



# Prop. 57 L

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

## Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)





# Prop. 57 L

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)



# Innhold

<b>1</b>	<b>Hovudinnhaldet i proposisjonen .....</b>	25	<b>4.5</b>	Om utforminga av ny opplæringslov .....	46
1.1	Innleiing .....	25	<b>4.5.1</b>	Innleiing .....	46
1.2	Samandrag .....	26	<b>4.5.2</b>	Forholdet til Grunnlova og dei internasjonale forpliktingane .....	47
1.2.1	Lesarrettleiding for proposisjonen ...	26	<b>4.5.3</b>	Kompetansen kommunen og fylkeskommunen har .....	47
1.2.2	Innhaldet i proposisjonen .....	26	<b>4.5.4</b>	Sjølvstyret til kommunane og fylkeskommunane .....	48
1.2.3	Oversikt over sentrale forslag til endringar i ny opplæringslov .....	26	<b>4.5.5</b>	Fordelinga av reglane mellom lov og forskrift .....	49
<b>2</b>	<b>Bakgrunnen for lovforslaget ....</b>	29	<b>4.5.6</b>	Kven som blir pålagd plikter etter lova .....	49
2.1	Prosesen fram til forslag om ny lov .....	29	<b>4.5.7</b>	Dobbeltreguleringar .....	49
2.1.1	Generelt .....	29	<b>5</b>	<b>Bruk av skjønnsmessige reglar .....</b>	51
2.1.2	Innspelsmøte og dialog med elevar og andre aktører .....	29	<b>5.1</b>	Kva er skjønn? .....	51
2.1.3	Konsultasjonar med Sametinget ...	30	<b>5.2</b>	Ulike typar av skjønnsmessige vurderingar .....	51
2.1.4	Lovmedverknad med KS .....	31	<b>5.3</b>	Kontroll med skjønnsmessige reglar .....	52
2.2	Ei opplæringslov for framtida .....	31	<b>5.4</b>	Skjønnsmessige reglar i opplæringslova .....	53
<b>3</b>	<b>Høyringa .....</b>	34	<b>6</b>	<b>Lovstruktur og lovspråk .....</b>	55
3.1	Høyring av forslag til ny opplæringslov .....	34	<b>6.1</b>	Innleiing .....	55
3.2	Høyring av forslag om unntak frå kompetansekrav og plikt til å politianmelda dersom det blir levert falske dokumenter ved søknad om godkjennung av utanlandsk fag- og yrkesopplæring .....	40	<b>6.2</b>	Dagens opplæringslov .....	55
<b>4</b>	<b>Regelstyring av grunn-opplæringa .....</b>	42	<b>6.3</b>	Lovstruktur og lovspråk i ny opplæringslov .....	55
4.1	Innleiing .....	42	<b>6.3.1</b>	Strukturen i lova .....	55
4.2	Grunnlova .....	42	<b>6.3.2</b>	Språket i lova .....	56
4.3	Noregs folkerettslege forpliktingar .....	42	<b>7</b>	<b>Formålet med opplæringslova og verkeområdet til lova .....</b>	57
4.3.1	FNs verdsfråsegn om menneskerettar .....	42	<b>7.1</b>	Innleiing .....	57
4.3.2	Menneskerettslova .....	42	<b>7.2</b>	Formålet med opplæringslova .....	57
4.3.3	EØS-avtalen .....	43	<b>7.2.1</b>	Dagens reglar .....	57
4.3.4	Andre internasjonale konvensjonar og erklæringar .....	43	<b>7.2.2</b>	Høylingsforslaget .....	57
4.4	Andre lover som er relevante for grunnopplæringa .....	44	<b>7.2.3</b>	Høylingsinstansanes syn .....	57
4.4.1	Kommunelova .....	44	<b>7.2.4</b>	Departementets vurdering .....	57
4.4.2	Forvaltningslova .....	45	<b>7.2.5</b>	Departementets forslag .....	58
4.4.3	Personopplysningslova .....	45	<b>7.3</b>	Verkeområde .....	58
4.4.4	Likestillings- og diskriminerings-lova .....	46	<b>7.3.1</b>	Dagens reglar .....	58
4.4.5	Samelova .....	46	<b>7.3.2</b>	Høylingsforslaget .....	58
4.4.6	Barnelova .....	46	<b>7.3.3</b>	Høylingsinstansanes syn .....	58
			<b>7.3.4</b>	Departementets vurdering .....	58
			<b>7.3.5</b>	Departementets forslag .....	59
			<b>8</b>	<b>Formålet med opplæringa .....</b>	60
			<b>8.1</b>	Innleiing .....	60
			<b>8.2</b>	Dagens reglar .....	60

8.3	Høyringsforslaget .....	60	<b>11</b>	<b>Opplæringstilbodet .....</b>	74
8.4	Høyringsinstansanes syn .....	60	11.1	Innleiing .....	74
8.5	Departementets vurdering .....	60	11.2	Dagens reglar .....	74
8.6	Departementets forslag .....	61	11.2.1	Kva elevane skal lære .....	74
			11.2.2	Rett til individuell vurdering og dokumentasjon .....	75
<b>9</b>	<b>Rett og plikt til grunnskoleopplæring .....</b>	62	11.2.3	Fråværsgrense og tap av retten til vurdering med karakter .....	75
9.1	Innleiing .....	62	11.2.4	Kor mange timar elevane skal ha ..	75
9.2	Dagens reglar .....	62	11.2.5	Om det gjeld eit krav om forsvarleg opplæring .....	76
9.2.1	Grunnlova og Noregs folkerettslege forpliktingar .....	62	11.3	Høyringsforslaget .....	77
9.2.2	Opplæringslova .....	62	11.4	Høyringsinstansanes syn .....	77
9.3	Høyringsforslaget .....	63	11.4.1	Reglar om læreplanverket og tilbodsstrukturen .....	77
9.4	Høyringsinstansanes syn .....	64	11.4.2	Om lova bør omhandle bestemte fag, emne og aktivitetar .....	78
9.5	Departementets vurdering .....	65	11.4.3	Rett til individuell vurdering og dokumentasjon .....	78
9.5.1	Inndeling av reglane .....	65	11.4.4	Fråværsgrense og tap av retten til vurdering med karakter .....	79
9.5.2	Retten til grunnskoleopplæring .....	65	11.4.5	Kor mange timar elevane skal ha ..	79
9.5.3	Plikta til grunnskoleopplæring .....	65	11.4.6	Kva som skal reknast som opplæring .....	81
9.5.4	Fritak frå opplæringsplikta .....	65	11.4.7	Om det skal lovfestast eit krav om forsvarleg opplæring .....	81
9.5.5	Permisjon frå pliktig grunnskoleopplæring .....	66	11.5	Departementets vurdering .....	82
9.5.6	Utsett og tidleg skolestart .....	67	11.5.1	Reglar om læreplanverket og tilbodsstrukturen .....	82
9.5.7	Gratisprinsippet .....	67	11.5.2	Om lova bør omhandle bestemte fag, emne og aktivitetar .....	84
9.5.8	Straffansvaret til foreldra .....	68	11.5.3	Rett til individuell vurdering og dokumentasjon .....	84
9.6	Departementets forslag .....	68	11.5.4	Kor mange timar opplæring elevane skal ha .....	85
			11.5.5	Om det skal lovfestast eit krav om forsvarleg opplæring .....	87
<b>10</b>	<b>Det beste for eleven .....</b>	69	11.6	Departementets forslag .....	87
10.1	Innleiing .....	69	<b>12</b>	<b>Kva grunnskole elevane skal gå på .....</b>	89
10.2	Dagens reglar .....	69	12.1	Innleiing .....	89
10.2.1	Grunnlova og Noregs internasjonale forpliktingar .....	69	12.2	Dagens reglar .....	89
10.2.2	Opplæringslova .....	69	12.2.1	Rett til å gå på den skolen som ligg nærmast, eller den skolen i nærmiljøet som eleven soknar til .....	89
10.3	Høyringsforslaget .....	70	12.2.2	Lokal forskrift om skolekrinsar ....	89
10.4	Høyringsinstansanes syn .....	70	12.2.3	Avtale mellom kommunar om at eit område i ein kommune soknar til ein skole i nabokommunen .....	90
10.4.1	Lovfeste prinsippet om det beste for barnet i ein eigen og generell paragraf om det beste for eleven ..	70	12.2.4	Søknad om å gå på ein annan skole enn den nærmaste .....	90
10.4.2	Prinsippet om det beste for eleven skal også gjelda for elevar over 18 år .....	70	12.2.5	Unntak frå retten til å gå på den nærmaste skolen .....	90
10.4.3	Utarbeide rettleiing eller konkretisere prinsippet i lov eller forskrift .....	70			
10.5	Departementets vurdering .....	71			
10.5.1	Lovfeste prinsippet om det beste for barnet .....	71			
10.5.2	Prinsippet om det beste for eleven skal også gjelde for elevar over 18 år .....	72			
10.5.3	Ikkje konkretisere prinsippet i lov eller forskrift, men utarbeide rettleiing .....	73			
10.6	Departementets forslag .....	73			

12.3	Høyringsforslaget .....	91	14.5	Departementets vurdering .....	107
12.4	Høyringsinstansanes syn .....	91	14.5.1	Skoleåret og skole- og feriedagar .....	107
12.5	Departementets vurdering .....	91	14.5.2	Forholdet mellom talet på lærarar og talet på elevar (lærarnorm) .....	108
12.5.1	Rett til å gå på ein grunnskole i nærmiljøet .....	91	14.5.3	Inndeling i grupper .....	109
12.5.2	Om kommunane kan eller skal fastsetje lokal forskrift .....	92	14.5.4	Gruppestorleik .....	112
12.5.3	Kva kommunane skal legge vekt på ved tildeling av skoleplass og fastsetjing av forskrift om skolekrinsar .....	92	14.6	Departementets forslag .....	112
12.5.4	Unntak frå dei fastsette skolekrinsane dersom skolen i krinsen er full .....	93	<b>15</b>	<b>Fjernundervisning .....</b>	113
12.6	Departementets forslag .....	93	15.1	Innleiing .....	113
<b>13</b>	<b>Plikt til å vere aktivt med i opplæringa, oppfølgingsplikt ved fråvær og lekser .....</b>	94	15.2	Dagens reglar .....	113
13.1	Innleiing .....	94	15.3	Høyringsforslaget .....	113
13.2	Plikt til å vere aktivt med i opplæringa .....	94	15.4	Høyringsinstansanes syn .....	113
13.2.1	Dagens reglar .....	94	15.4.1	Behovet for nye reglar om fjernundervisning .....	113
13.2.2	Høyringsforslaget .....	94	15.4.2	Utforming av lovteksten .....	114
13.2.3	Høyringsinstansanes syn .....	94	15.4.3	Om gode grunnar til å bruke fjernundervisning .....	115
13.2.4	Departementets vurdering .....	94	15.4.4	Delar av opplæringa som fjernundervisning .....	115
13.2.5	Departementets forslag .....	95	15.4.5	Fjernundervisning som er trygg og pedagogisk forsvarleg .....	115
13.3	Oppfølgingsplikt ved fråvær .....	95	15.4.6	Effektiv kommunikasjon og oppfølging .....	115
13.3.1	Dagens reglar .....	95	15.4.7	Fjernundervisning gis som hovudregel på skolen .....	116
13.3.2	Høyringsforslaget .....	95	15.4.8	Om kommunen og fylkeskommunen må kunne godtgjere at vilkåra er oppfylte ....	116
13.3.3	Høyringsinstansanes syn .....	95	15.4.9	Forskriftsheimel om fjernunder- visning .....	116
13.3.4	Departementets vurdering .....	97	15.4.10	Personvernutfordringar ved fjernundervisning .....	117
13.3.5	Departementets forslag .....	98	15.5	Departementets vurdering .....	117
13.4	Lekser .....	98	15.5.1	Kunnskapsgrunnlaget om fjernundervisning .....	117
13.4.1	Dagens reglar .....	98	15.5.2	Behovet for nye reglar om fjernundervisning .....	119
13.4.2	Høyringsforslaget .....	99	15.5.3	Utforminga av lovteksten .....	120
13.4.3	Høyringsinstansanes syn .....	99	15.5.4	Om gode grunnar til å bruke fjernundervisning .....	120
13.4.4	Departementets vurdering .....	100	15.5.5	Delar av opplæringa som fjernundervisning .....	121
13.4.5	Departementets forslag .....	102	15.5.6	Fjernundervisning som er trygg og pedagogisk forsvarleg .....	121
<b>14</b>	<b>Organiseringa av opplæringa ...</b>	103	15.5.7	Effektiv kommunikasjon og oppfølging .....	122
14.1	Innleiing .....	103	15.5.8	Fjernundervisning gis som hovudregel på skolen .....	122
14.2	Dagens reglar .....	103	15.5.9	Om kommunen og fylkeskommunen skal godtgjere at vilkåra er oppfylte .....	123
14.2.1	Skoleåret og skole- og feriedagar ..	103	15.5.10	Forskriftsheimel om fjernunder- visning .....	123
14.2.2	Forholdet mellom talet på lærarar og talet på elevar (lærarnorm) .....	103			
14.2.3	Inndeling i grupper .....	103			
14.2.4	Gruppestorleik .....	105			
14.3	Høyringsforslaget .....	105			
14.4	Høyringsinstansanes syn .....	106			
14.4.1	Skoleåret og skole- og feriedagar ..	106			
14.4.2	Forholdet mellom talet på lærarar og talet på elevar (lærarnorm) .....	106			
14.4.3	Inndeling i grupper .....	106			
14.4.4	Gruppestorleik .....	107			

15.5.11	Personvernutfordringar ved bruk av fjernundervisning .....	124	17.5.2	Rådgivande røysting ved skifte av skriftspråk i grunnskolen .....	136
15.5.12	Forholdet til andre reglar i opplæringslova .....	126	17.5.3	Rett til å velje bokmål eller nynorsk i skriftlege arbeid frå og med 8. trinn og rett til å velje bokmål eller nynorsk i læremiddel .....	137
15.5.13	Ansvar for opplæringa .....	127			
15.6	Departementets forslag .....	127			
<b>16</b>	<b>Opplæringsspråk og talemål</b> ....	128	17.5.4	Rett til opplæring i eiga gruppe på det skriftspråket kommunen ikkje har vedteke .....	137
16.1	Innleiing .....	128	17.5.5	Rett til å velje skriftspråk for elevar som blir overførte til ein ny skole .....	138
16.2	Dagens reglar .....	128	17.5.6	Heimel til å gi forskrift om fritak frå opplæring i eitt av dei norske skriftspråka for enkelte elevgrupper .....	138
16.3	Høyrringsforslaget .....	128	17.5.7	Krav om opplæring i begge skriftspråka .....	139
16.4	Høyrringsinstansanes syn .....	128	17.6	Departementets forslag .....	139
16.5	Departementets vurdering .....	129			
16.5.1	Lovfestiging av opplæringsspråket i Noreg .....	129	<b>18</b>	<b>Læremiddel</b> .....	140
16.5.2	Regulering av talemål .....	130	18.1	Innleiing .....	140
16.6	Departementets forslag .....	131	18.2	Dagens reglar .....	140
<b>17</b>	<b>Bokmål og nynorsk i opplæringa</b> .....	132	18.2.1	Opplæringslova og forskrift til opplæringslova .....	140
17.1	Innleiing .....	132	18.2.2	Likestillings- og diskrimine- ringslova .....	141
17.2	Dagens reglar .....	132	18.3	Høyrringsforslaget .....	141
17.2.1	Opplæringslova og forskrift til opplæringslova .....	132	18.4	Høyrringsinstansanes syn .....	141
17.2.2	Andre lover .....	133	18.4.1	Parallellitetskravet .....	141
17.3	Høyrringsforslaget .....	133	18.4.2	Krav til rettskriving, godkjende ordlister og ordbøker, lesebøker i norskfaget, utstyr og inventar og plikta til å sørge for læremiddel for individuelt tilrettelagd opplæring .....	142
17.4	Høyrringsinstansanes syn .....	134	18.5	Departementets vurdering .....	142
17.4.1	Kommunen og fylkeskommunen skal gi forskrift om det er bokmål eller nynorsk som skal vere hovudmålet ved kvar skole .....	134	18.5.1	Om nemningane læremiddel, læringsressursar og verktøy .....	142
17.4.2	Rådgivande røysting ved skifte av skriftspråk i grunnskolen .....	134	18.5.2	Parallellitetskravet .....	143
17.4.3	Rett til å velje bokmål eller nynorsk i skriftlege arbeid frå og med 8. trinn og rett til å velje bokmål eller nynorsk i læremiddel .....	134	18.5.3	Krav til rettskriving i læremiddel, godkjende ordlister og ordbøker og krav til skriveprogram .....	145
17.4.4	Rett til opplæring i eiga gruppe på det skriftspråket kommunen ikkje har vedteke .....	135	18.5.4	Krav til dei trykte læremidla i norskfaget .....	145
17.4.5	Rett til å velje skriftspråk for elevar som blir overførte til ein ny skole .....	135	18.5.5	Krav til utstyr, inventar og læremiddel i skolen .....	146
17.4.6	Heimel til å gi forskrift om fritak frå opplæring i eitt av dei norske skriftspråka for enkelte elevgrupper .....	135	18.5.6	Plikta staten har til å sørge for læremiddel for individuelt tilrettelagd opplæring .....	146
17.4.7	Krav om opplæring i begge skriftspråka .....	136	18.6	Departementets forslag .....	146
17.5	Departementets vurdering .....	136			
17.5.1	Kommunen og fylkeskommunen skal gi forskrift om det er bokmål eller nynorsk som skal vere hovudmålet ved kvar skole .....	136			

<b>19</b>	<b>Informasjonsplikta skolen har overfor elevar og foreldre ..</b>	147	<b>22.2.2</b>	Opplæringslova og forskrift til opplæringslova .....	162
19.1	Innleiing .....	147	22.3	Høyringsforslaget .....	163
19.2	Dagens reglar .....	147	22.4	Høyringsinstansanes syn .....	163
19.3	Høyringsforslaget .....	147	22.4.1	Regulere skoledemokratiet for elevane og foreldra .....	163
19.4	Høyringsinstansanes syn .....	147	22.4.2	Organ for brukarmedverknad (brukarorgan) .....	164
19.5	Departementets vurdering .....	148	22.5	Departementets vurdering .....	166
19.6	Departementets forslag .....	149	22.5.1	Regulere skoledemokratiet for elevane og foreldra .....	166
<b>20</b>	<b>Samarbeid mellom skolen og foreldra .....</b>	150	22.5.2	Organ for brukarmedverknad (brukarorgan) .....	167
20.1	Innleiing .....	150	22.6	Departementets forslag .....	169
20.2	Dagens reglar .....	150	<b>23</b>	<b>Samarbeid mellom skolen og andre velferdstenester .....</b>	170
20.3	Høyringsforslaget .....	150	23.1	Innleiing .....	170
20.4	Høyringsinstansanes syn .....	150	23.2	Dagens reglar .....	170
20.4.1	Plikta skolen har til å samarbeide med foreldra .....	150	23.2.1	Overgang frå barnehagen til skolen og skolefritidsordninga ....	170
20.4.2	Forskriftsheimel om samarbeidet mellan skolen og foreldra .....	152	23.2.2	Samarbeid mellom velferd- stenester .....	170
20.5	Departementets vurdering .....	152	23.2.3	Opplysningsplikt til barnevernet ..	170
20.5.1	Plikta skolen har til samarbeid med foreldra .....	152	23.2.4	Plikt til å gi opplysningar til den kommunale helse- og omsorgs- tenesta og sosialtenesta .....	171
20.5.2	Kva skolen skal samarbeide med foreldra om .....	154	23.3	Høyringsforslaget .....	171
20.5.3	Bruk av tolk i samarbeidet .....	154	23.4	Høyringsinstansanes syn .....	171
20.5.4	Forskriftsheimel om samarbeidet mellan skolen og foreldra .....	155	<b>23.4.1</b>	Overgang frå barnehagen til skolen og skolefritidsordninga ....	171
20.6	Departementets forslag .....	155	23.4.2	Samarbeid mellom velferd- stenester .....	172
<b>21</b>	<b>Medverknaden til elevane og sjølvråderett for dei over 15 år .....</b>	156	23.4.3	Opplysningsplikt til barnevernet ..	173
21.1	Innleiing .....	156	23.4.4	Plikt til å gi opplysningar til den kommunale helse- og omsorgs- tenesta og sosialtenesta .....	173
21.2	Dagens reglar .....	156	<b>23.5</b>	Departementets vurdering .....	173
21.2.1	Grunnlova og Noregs internasjonale forpliktingar .....	156	23.5.1	Overgang frå barnehagen til skolen og skolefritidsordninga ....	173
21.2.2	Opplæringslova og forskrift til opplæringslova .....	157	23.5.2	Samarbeid mellom velferd- stenester .....	174
21.2.3	Andre lover .....	157	23.5.3	Meldeplikt til barnevernet .....	175
21.3	Høyringsforslaget .....	157	23.5.4	Plikt til å gi opplysningar til den kommunale helse- og omsorgs- tenesta og sosialtenesta .....	175
21.4	Høyringsinstansanes syn .....	158	<b>23.6</b>	Departementets forslag .....	175
21.4.1	Elevanes rett til individuell medverknad .....	158	<b>24</b>	<b>Tilpassa opplæring .....</b>	177
21.4.2	Sjølvråderett for dei over 15 år .....	158	24.1	Innleiing .....	177
21.5	Departementets vurdering .....	158	24.2	Dagens reglar .....	177
21.5.1	Elevanes rett til individuell medverknad .....	158	24.2.1	Grunnlova og Noregs folkerettslege forpliktingar .....	177
21.5.2	Sjølvråderett for dei over 15 år .....	159	24.2.2	Opplæringslova .....	177
21.6	Departementets forslag .....	160	24.3	Høyringsforslaget .....	178
<b>22</b>	<b>Skoledemokratiet .....</b>	161			
22.1	Innleiing .....	161			
22.2	Dagens reglar .....	161			
22.2.1	Grunnlova og Noregs internasjonale forpliktingar .....	161			

24.4	Høyringsinstansanes syn .....	178	26.2.2	Andre regelverk .....	193
24.4.1	Spørsmålet om å endre nemning frå tilpassa opplæring til universell opplæring .....	178	26.3	Høyringsforslaget .....	193
24.4.2	Kva plikta til tilpassa opplæring inneber .....	178	26.4	Høyringsinstansanes syn .....	194
24.4.3	Delpliktene til skolen for å sikre at elevane får tilfredsstillande utbytte av opplæringa .....	179	26.5	Departementets vurdering .....	194
24.4.4	Intensiv opplæring .....	180	26.5.1	Innhaldet i reglane om ASK .....	194
24.5	Departementets vurdering .....	180	26.5.2	Vidare utgreiing om tilleggstimar til opplæring i ASK .....	195
24.5.1	Behalde nemninga tilpassa opplæring .....	180	26.6	Departementets forslag .....	195
24.5.2	Kva plikta til tilpassa opplæring inneber .....	180	<b>27</b>	<b>Pedagogisk-psykologisk teneste .....</b>	196
24.5.3	Delpliktene til skolen for å sikre at elevane får tilfredsstillande utbytte av opplæringa .....	182	27.1	Innleiing .....	196
24.5.4	Intensiv opplæring .....	182	27.2	Dagens reglar .....	196
24.5.5	Elevar med stort potensial for læring .....	183	27.3	Høyringsforslaget .....	196
24.6	Departementets forslag .....	183	27.4	Høyringsinstansanes syn .....	197
<b>25</b>	<b>Individuell tilrettelegging av opplæringa .....</b>	184	27.4.1	Kravet om at kvar kommune og fylkeskommune skal ha ei PP- teneste, og tydeleggjering av oppgåvene til	
25.1	Innleiing .....	184	27.4.2	PP-tenesta .....	197
25.2	Dagens reglar .....	184	27.4.3	Krav om sakkunnig vurdering frå PP-tenesta før kommunen og fylkeskommunen gjer vedtak .....	197
25.2.1	Grunnlova og Noregs folkerettslege forpliktingar .....	184	27.5	Rolla PP-tenesta har i samband med opplæring i bedrift .....	198
25.2.2	Retten til spesialundervisning etter opplæringslova kapittel 5 .....	184	27.5.1	Departementets vurdering .....	198
25.2.3	Likestillings- og diskrimine- ringslova .....	185	27.5.2	Kravet om at kvar kommune og fylkeskommune skal ha ei PP-teneste, og tydeleggjering av oppgåvene til PP-tenesta .....	198
25.3	Høyringsforslaget .....	185	27.5.3	Krav om sakkunnig vurdering frå PP-tenesta før kommunen og fylkeskommunen gjer vedtak .....	200
25.4	Høyringsinstansanes syn .....	186	27.6	Rolla PP-tenesta har i samband med opplæring i bedrift .....	202
25.4.1	Endre nemninga spesialunder- visning og dele opp dagens rett til spesialundervisning i tre rettar ....	186	<b>28</b>	Departementets forslag .....	203
25.4.2	Individuelt tilrettelagd opplæring ..	186	<b>Særskild språkopplæring for elevar som har eit anna morsmål enn norsk og samisk .....</b>	204	
25.4.3	Personleg assistanse .....	187	28.1	Innleiing .....	204
25.4.4	Fysisk tilrettelegging .....	187	28.2	Dagens reglar .....	204
25.5	Departementets vurdering .....	187	28.2.1	Opplæringslova .....	204
25.5.1	Endre nemninga spesialunder- visning og dele opp dagens rett til spesialundervisning i tre rettar ....	187	28.2.2	Integreringslova .....	205
25.5.2	Individuelt tilrettelagd opplæring ..	188	28.3	Høyringsforslaget .....	205
25.5.3	Personleg assistanse .....	191	28.4	Høyringsinstansanes syn .....	205
25.5.4	Fysisk tilrettelegging .....	191	28.5	Departementets vurdering .....	207
25.6	Departementets forslag .....	191	28.5.1	Bruke nemningane tospråkleg opplæring i fag og forsterka opplæring i norsk i lova .....	207
<b>26</b>	<b>Alternativ og supplerande kommunikasjon .....</b>	193	28.5.2	Rett til særskild språkopplæring ..	207
26.1	Innleiing .....	193	28.5.3	Vurdering av norskkunnskapar før vedtak om særskild språkopplæring .....	208
26.2	Dagens reglar .....	193			
26.2.1	Opplæringslova .....	193			

28.5.4	Jamleg vurdere ferdighetene til eleven i norsk undervegs i opplæringa .....	208	29.5.4	Unntak frå retten til å gå på nærskolen .....	217
28.5.5	Særlege reglar om organisering av morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring i fag .....	208	29.5.5	Rammene for opplæring i teiknspråkleg miljø og fjernundervisning .....	217
28.5.6	Innføringsopplæring .....	209	29.5.6	Avgjerdsmakt til elevane .....	217
28.6	Departementets forslag .....	210	29.5.7	Rett til opplæring i teiknspråk for elevar som bruker tolk i ordinære vidaregåande skolar .....	218
<b>29</b>	<b>Opplæring i og på norsk teiknspråk .....</b>	<b>211</b>	29.5.8	Forskriftsheimel for teiknspråk-opplæring i vidaregående opplæring .....	218
29.1	Innleiing .....	211	29.6	Departementets forslag .....	218
29.2	Dagens reglar .....	211	<b>30</b>	<b>Opplæring i og på dei samiske språka .....</b>	<b>220</b>
29.2.1	Noregs folkerettslege forpliktingar .....	211	30.1	Innleiing .....	220
29.2.2	Opplæringslova .....	211	30.2	Dagens reglar .....	220
29.2.3	Forskrifter til opplæringslova .....	211	30.2.1	Grunnlova og Noregs folkerettslege forpliktingar .....	220
29.2.4	Andre regelverk .....	212	30.2.2	Samelova .....	220
29.3	Høyrringsforslaget .....	212	30.2.3	Opplæringslova .....	220
29.4	Høyrringsinstansanes syn .....	212	30.3	Høyrringsforslaget .....	221
29.4.1	Retten til opplæring i og på norsk teiknspråk .....	212	30.4	Høyrringsinstansanes syn .....	221
29.4.2	Høyrselshemming som vilkår for rett til opplæring i og på norsk teiknspråk .....	213	30.4.1	Rett til opplæring i og på samisk i grunnskolen og rett til opplæring i samisk i vidaregåande opplæring .....	221
29.4.3	Gi grunnskoleelevar med høyrselshemming rett til å velje opplæring i norsk teiknspråk og moglegheita til å følgje ordinære læreplanar i alle andre fag .....	213	30.4.2	Moglegheita kommunen har til å leggje opplæringa på samisk til éin eller fleire skolar i kommunen .....	222
29.4.4	Unntak frå retten til å gå på nærskolen .....	214	30.4.3	Plikt til å gi eleven tilbod om opplæring i eit samiskspråkleg miljø dersom fjernundervisning aleine gjer at opplæringa i samisk ikkje blir trygg og forsvarleg .....	222
29.4.5	Rammene for opplæring i teiknspråkleg miljø og fjernundervisning .....	214	30.4.4	Moglegheita departementet har til å gi forskrifter om at visse vidaregåande skolar skal tilby opplæring i eller på samisk eller i særskilde samiske fag .....	223
29.4.6	Avgjerdsmakt til elevane .....	214	30.4.5	Opplæring på samisk i to fag for samiske grunnskoleelevar utanfor forvaltningsområdet .....	223
29.4.7	Rett til opplæring i teiknspråk for elevar som bruker tolk i ordinære vidaregåande skolar .....	214	30.5	Departementets vurdering .....	224
29.4.8	Forskriftsheimel for teiknspråkkopplæring i vidaregåande opplæring .....	215	30.5.1	Rett til opplæring i og på samisk i grunnskolen og rett til opplæring i samisk i vidaregåande opplæring .....	224
29.5	Departementets vurdering .....	215	30.5.2	Rett til å sjølv bestemme frå 8. trinn .....	226
29.5.1	Retten til opplæring i og på norsk teiknspråk .....	215			
29.5.2	Høyrselshemming som vilkår for rett til opplæring i og på norsk teiknspråk og fjerning av kravet til sakkunnig vurdering .....	215			
29.5.3	Gi grunnskoleelevar med høyrselshemming rett til å velje opplæring i norsk teiknspråk og moglegheita til å følgje ordinære læreplanar i alle andre fag .....	216			

30.5.3	Moglegheita kommunen har til å leggje opplæringa på samisk til éin eller fleire skolar i kommunen .....	227	32.4.2	Rett til opplæring i bruk av tekniske hjelpemiddel og i mobilitet .....	236
30.5.4	Kommunen og fylkeskommunen skal gi eleven tilbod om del av opplæringa i samisk i eit samiskspråkleg miljø dersom det er nødvendig for at opplæringa skal vere pedagogisk forsvarleg ...	227	32.4.3	Om ADL-trening (aktivitetar i daglelivet) .....	237
30.5.5	Obligatorisk samiskopplæring i forvaltningsområdet .....	229	32.5	Departementets vurdering .....	237
30.5.6	Moglegheita departementet har til å gi forskrifter om opplæring i og på samisk .....	230	32.5.1	Rett til opplæring i punktskrift .....	237
30.5.7	Opplæring via alternative opplæringsformer .....	230	32.5.2	Rett til opplæring i tekniske hjelpemiddel og mobilitet .....	237
30.6	Departementets forslag .....	230	32.5.3	Om ADL-trening .....	238
			32.6	Departementets forslag .....	238
<b>31</b>	<b>Opplæring i kvensk og finsk ....</b>	<b>232</b>	<b>33</b>	<b>Skolemiljøet til elevane .....</b>	<b>239</b>
31.1	Innleiing .....	232	33.1	Innleiing .....	239
31.2	Dagens reglar .....	232	33.2	Verkeområdet for reglane om skolemiljø .....	239
31.2.1	Noregs folkerettslege forpliktingar .....	232	33.2.1	Dagens reglar .....	239
31.2.2	Opplæringslova .....	232	33.2.2	Høyrringsforslaget .....	239
31.3	Høyrringsforslaget .....	232	33.3	Høyrringsinstansanes syn .....	239
31.4	Høyrringsinstansanes syn .....	233	33.2.3	Departementets vurdering .....	240
31.4.1	Utvida retten til opplæring i kvensk og finsk .....	233	33.2.4	Departementets forslag .....	240
31.4.2	Moglegheit til å gi opplæringa i kvensk og finsk gjennom fjernundervisning .....	233	33.2.5	Retten til eit trygt og godt skolemiljø .....	240
31.5	Departementets vurdering .....	233	33.3	Dagens reglar .....	240
31.5.1	Retten til opplæring i kvensk og finsk bør ikkje avhenge av talet på elevar som ønskjer slik opplæring .....	233	33.3.1	Høyrringsforslaget .....	240
31.5.2	Vidareføre moglegheita til å gi opplæringa i kvensk og finsk gjennom fjernundervisning .....	234	33.3.2	Høyrringsinstansanes syn .....	240
31.6	Departementets forslag .....	234	33.3.3	Departementets vurdering .....	240
			33.3.4	Departementets forslag .....	241
<b>32</b>	<b>Opplæring i punktskrift, tekniske hjelpemiddel og mobilitet .....</b>	<b>235</b>	33.3.5	Skolen skal ikkje godta krenkande oppførsel (nulltoleranse mot krenkingar) ....	241
32.1	Innleiing .....	235	33.4	Dagens reglar .....	241
32.2	Dagens reglar .....	235	33.4.1	Høyrringsforslaget .....	241
32.2.1	Noregs folkerettslege forpliktingar .....	235	33.4.2	Høyrringsinstansanes syn .....	242
32.2.2	Opplæringslova .....	235	33.4.3	Departementets vurdering .....	242
32.2.3	Andre regelverk .....	236	33.4.4	Departementets forslag .....	243
32.3	Høyrringsforslaget .....	236	33.4.5	Plikta til førebyggjande arbeid .....	243
32.4	Høyrringsinstansanes syn .....	236	33.5	Dagens reglar .....	243
32.4.1	Rett til opplæring i punktskrift .....	236	33.5.1	Høyrringsforslaget .....	244
			33.5.2	Høyrringsinstansanes syn .....	244
			33.5.3	Departementets vurdering .....	244
			33.5.4	Departementets forslag .....	245
			33.5.5	Plikt til å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø (aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt) .....	245
			33.6	Dagens reglar .....	245
			33.6.1	Høyrringsforslaget .....	245
			33.6.2	Høyrringsinstansanes syn .....	246
			33.6.3	Departementets vurdering .....	247
			33.6.4	Departementets forslag .....	255
			33.6.5	Skjerpa plikt til å melde frå dersom ein som arbeider på skolen, krenkjer ein elev .....	255
			33.7	Dagens reglar .....	255
			33.7.1		

33.7.2	Høyringsforslaget .....	255	34.5	Forbod mot ansiktsdekkjande plagg i opplæringa for elevar og tilsette i skolen .....	280
33.7.3	Høyringsinstansanes syn .....	255		Dagens reglar .....	280
33.7.4	Departementets vurdering .....	257		Høyringsforslaget .....	280
33.7.5	Departementets forslag .....	258	34.5.1	Høyringsinstansanes syn .....	281
33.8	Myndet statsforvaltarane har til å handheve plikta til å sikre eit trygt og godt psykososialt miljø (handhevingsordninga) .....	258	34.5.2	Departementets vurdering .....	281
33.8.1	Dagens reglar .....	258	34.5.3	Departementets forslag .....	281
33.8.2	Høyringsforslaget .....	259	34.5.4		
33.8.3	Generelt om handhevings- ordninga .....	259	34.5.5		
33.8.4	Statsforvaltaren sitt grunnlag for å avvise ei skolemiljøsak .....	260	<b>35</b>	<b>Opplæring om kristendom, religion, livssyn og etikk, fritak frå aktivitetar og forbod mot forkynning i opplæringa ...</b>	282
33.8.5	Kva statsforvaltaren skal ta stilling til .....	262	35.1	Innleiing .....	282
33.8.6	Kva vedtak statsforvaltaren skal gjere .....	263	35.2	Dagens reglar .....	282
33.9	Det fysiske skolemiljøet, skoleanlegg og alkoholforbod .....	266	35.2.1	Fritak frå aktivitetar i opplæringa .....	282
33.9.1	Dagens reglar .....	266	35.2.2	Opplæringa i faget kristendom, religion, livssyn og etikk .....	282
33.9.2	Høyringsforslaget .....	267	35.3	Høyringsforslaget .....	283
33.9.3	Høyringsinstansanes syn .....	267	35.4	Høyringsinstansanes syn .....	283
33.9.4	Departementets vurdering .....	268	35.5	Departementets vurdering .....	283
33.9.5	Departementets forslag .....	270	35.5.1	Rett til fritak frå aktivitetar i opplæringa, også i vidaregåande skole .....	283
33.10	Ingen forskriftsheimel om skolemiljø .....	270	35.5.2	Forbod mot forkynning i all opplæring .....	284
33.10.1	Dagens reglar .....	270	35.5.3	Opplæringa om kristendom, andre religionar, livssyn og etikk .....	284
33.10.2	Høyringsforslaget .....	270	35.6	Departementets forslag .....	285
33.10.3	Høyringsinstansanes syn .....	270	<b>36</b>	<b>Skoletur med overnatting .....</b>	286
33.10.4	Departementets vurdering .....	271	36.1	Innleiing .....	286
33.10.5	Departementets forslag .....	271	36.2	Dagens reglar .....	286
<b>34</b>	<b>Skoleregler og ordenstiltak .....</b>	272	36.3	Høyringsforslaget .....	286
34.1	Innledning .....	272	36.4	Høyringsinstansanes syn .....	286
34.2	Skoleregler .....	272	36.5	Departementets vurdering .....	287
34.2.1	Dagens reglar .....	272	36.5.1	Plikt for kommunane til å tilby skoletur med overnatting .....	287
34.2.2	Høyringsforslaget .....	272	36.5.2	Tre nettar som minstekrav .....	287
34.2.3	Høyringsinstansanes syn .....	272	36.5.3	Typen skoletur .....	287
34.2.4	Departementets vurdering .....	273	36.6	Departementets forslag .....	287
34.2.5	Departementets forslag .....	274	<b>37</b>	<b>Skyss, reisefølgje og losji .....</b>	288
34.3	Bortvising .....	274	37.1	Innleiing .....	288
34.3.1	Dagens reglar .....	274	37.2	Dagens reglar .....	288
34.3.2	Høyringsforslaget .....	274	37.2.1	Skyss mellom heimen og skolen .....	288
34.3.3	Høyringsinstansanes syn .....	275	37.2.2	Reisefølgje og tilsyn i samband med skoleskyss .....	289
34.3.4	Departementets vurdering .....	275	37.2.3	Moglegheita kommunane har til å stille vilkår om eigenbetaling av skyss når ein elev får innvilga søknad om skolebytte .....	289
34.3.5	Departementets forslag .....	277	37.2.4	Ansaret for skyss, reisefølgje og tilsyn .....	290
34.4	Pålagt skolebytte .....	277	37.2.5	Losji .....	290
34.4.1	Dagens reglar .....	277			
34.4.2	Høyringsforslaget .....	278			
34.4.3	Høyringsinstansanes syn .....	278			
34.4.4	Departementets vurdering .....	278			
34.4.5	Departementets forslag .....	280			

37.3	Høyringsforslaget .....	291	39.2.2	Opplæringslova og forskrift til opplæringslova .....	303
37.4	Høyringsinstansanes syn .....	291	39.3	Høyringsforslaget .....	304
37.4.1	Rett til skoleskyss .....	291	39.4	Høyringsinstansanes syn .....	304
37.4.2	Om kommunane bør ha høve til å stille vilkår om eigenbetaling for skyss til ein annan skole enn den eleven soknar til .....	291	39.4.1	Utgangspunkt .....	304
37.4.3	Reisefølgje og tilsyn i samband med skoleskyss .....	292	39.4.2	Kva nemning som bør brukast i lova .....	304
37.4.4	Ansvar, mynde til å gjere vedtak og delegering .....	292	39.4.3	Kvar opplæringa skal gå føre seg ..	304
37.5	Departementets vurdering .....	292	39.4.4	Kva krav det bør stillast til opplæringa .....	304
37.5.1	Rett til skoleskyss .....	292	39.5	Korleis sikre at barna får oppfylt retten sin til opplæring? .....	305
37.5.2	Om kommunane bør ha høve til å stille vilkår om eigenbetaling for skyss til ein annan skole enn den eleven soknar til .....	292	39.5.1	Departementets vurdering .....	305
37.5.3	Reisefølgje og tilsyn i samband med skoleskyss .....	293	39.5.2	Utgangspunkt .....	305
37.5.4	Skyss til og frå fleire heimar .....	293	39.5.3	Kva nemning som bør brukast i lova .....	305
37.5.5	Kor langt skyssretten gjeld .....	293	39.5.4	Kvar opplæringa skal gå føre seg ..	306
37.5.6	Losji .....	293	39.5.5	Kva krav det bør stillast til opplæringa .....	306
37.5.7	Ansvar, mynde til å gjere vedtak og delegering .....	294	39.5.6	Korleis sikre at barna får oppfylt retten sin til opplæring? .....	307
37.6	Departementets forslag .....	294	39.6	Forholdet til aktivitetsplikta skolane har i saker om skole- miljø .....	308
				Departementets forslag .....	308
<b>38</b>	<b>Skolefritidsordninga, leksehjelp og skolebibliotek</b> .....	296	<b>40</b>	<b>Rett til vidaregåande opplæring</b> .....	309
38.1	Innleiing .....	296	40.1	Innleiing .....	309
38.2	Skolefritidsordninga .....	296	40.2	Vilkåra for rett til vidaregåande opplæring .....	309
38.2.1	Dagens reglar .....	296	40.2.1	Dagens reglar .....	309
38.2.2	Høyringsforslaget .....	296	40.2.2	Høyringsforslaget .....	310
38.2.3	Høyringsinstansanes syn .....	296	40.2.3	Høyringsinstansanes syn .....	310
38.2.4	Departementets vurdering .....	297	40.2.4	Departementets vurdering .....	312
38.2.5	Departementets forslag .....	299	40.2.5	Departementets forslag .....	315
38.3	Leksehjelp .....	299	40.3	Rett til yrkesfagleg rekvalifisering .....	315
38.3.1	Dagens reglar .....	299	40.3.1	Dagens reglar .....	315
38.3.2	Høyringsforslaget .....	299	40.3.2	Høyringsforslaget .....	315
38.3.3	Høyringsinstansanes syn .....	299	40.3.3	Høyringsinstansanes syn .....	315
38.3.4	Departementets vurdering .....	300	40.3.4	Departementets vurdering .....	316
38.3.5	Departementets forslag .....	301	40.3.5	Departementets forslag .....	316
38.4	Skolebibliotek .....	301	40.4	Rett til omval .....	317
38.4.1	Dagens reglar .....	301	40.4.1	Dagens reglar .....	317
38.4.2	Høyringsforslaget .....	301	40.4.2	Høyringsforslaget .....	317
38.4.3	Høyringsinstansanes syn .....	301	40.4.3	Høyringsinstansanes syn .....	317
38.4.4	Departementets vurdering .....	301	40.4.4	Departementets vurdering .....	317
38.4.5	Departementets forslag .....	302	40.4.5	Departementets forslag .....	318
<b>39</b>	<b>Privat grunnskoleopplæring i heimen</b> .....	303	40.5	Rett til påbygging til generell studiekompetanse .....	318
39.1	Innleiing .....	303	40.5.1	Dagens reglar .....	318
39.2	Dagens reglar .....	303	40.5.2	Høyringsforslaget .....	318
39.2.1	Grunnlova og Noregs folkerettslege forpliktingar .....	303	40.5.3	Høyringsinstansanes syn .....	319
			40.5.4	Departementets vurdering .....	319

40.5.5	Departementets forslag .....	319	41.3	Høyringsforslaget .....	336
40.6	Inntaksreglar i vidaregåande opplæring .....	319	41.4	Høyringsinstansanes syn .....	336
40.6.1	Dagens reglar .....	319	41.4.1	Rett til grunnskoleopplæring for barn i grunnskolealder .....	336
40.6.2	Høyringsforslaget .....	319	41.4.2	Rett til opplæring for ungdom mellan 16 og 18 år .....	336
40.6.3	Høyringsinstansanes syn .....	320	41.4.3	Forslaget om å endre tidspunktet for opphør av rettar når ein passerer 18 år .....	338
40.6.4	Departementets vurdering .....	321	41.5	Departementets vurdering .....	338
40.6.5	Departementets forslag .....	322	41.5.1	Rett til grunnskoleopplæring for barn i grunnskolealder .....	338
40.7	Gratisprinsippet i vidaregåande opplæring .....	322	41.5.2	Rett til opplæring for ungdom mellan 16 og 18 år .....	338
40.7.1	Dagens reglar .....	322	41.5.3	Forslaget om å endre tidspunktet for opphør av rettar når ein passerer 18 år .....	339
40.7.2	Høyringsforslaget .....	322	41.6	Departementets forslag .....	340
40.7.3	Høyringsinstansanes syn .....	322	<b>42</b>	<b>Vidaregående opplæring i bedrift</b> .....	341
40.7.4	Departementets vurdering .....	323		Innleiing .....	341
40.7.5	Departementets forslag .....	323		Fellesnemningar i lova .....	341
40.8	Om fylkeskommunen skal tilby anna opplæring ved behov .....	323		Dagens reglar .....	341
40.8.1	Dagens reglar .....	323		Høyringsforslaget .....	342
40.8.2	Høyringsforslaget .....	324		Høyringsinstansanes syn .....	342
40.8.3	Høyringsinstansanes syn .....	324		Departementets vurdering .....	342
40.8.4	Departementets vurdering .....	324		Departementets forslag .....	343
40.8.5	Departementets forslag .....	324		Rett til lærepllass eller eit anna opplæringstilbod .....	343
40.9	Kva fylkeskommunen skal legge vekt på i planlegginga av det vidaregåande opplæringstilboden (dimensjonering) .....	324		Dagens reglar .....	343
40.9.1	Dagens reglar .....	324		Høyringsforslaget .....	343
40.9.2	Høyringsforslaget .....	325		Høyringsinstansanes syn .....	343
40.9.3	Høyringsinstansanes syn .....	325		Departementets vurdering .....	344
40.9.4	Departementets vurdering .....	326		Departementets forslag .....	345
40.9.5	Departementets forslag .....	327		Godkjenning av lærebedrifter, og lærebedriftenes ansvar for opplæringa .....	345
40.10	Kva den vidaregåande opplæringa består av .....	327		Dagens reglar .....	345
40.10.1	Dagens reglar .....	327		Høyringsforslaget .....	346
40.10.2	Høyringsforslaget .....	327		Høyringsinstansanes syn .....	346
40.10.3	Høyringsinstansanes syn .....	327		Departementets vurdering .....	346
40.10.4	Departementets vurdering .....	328		Departementets forslag .....	346
40.10.5	Departementets forslag .....	329		Regulering av opplæringskontor ...	347
40.11	Overgangen frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa .....	329		Dagens reglar .....	347
40.11.1	Dagens reglar .....	329		Høyringsforslaget .....	347
40.11.2	Høyringsforslaget .....	330		Høyringsinstansanes syn .....	347
40.11.3	Høyringsinstansanes syn .....	330		Departementets vurdering .....	348
40.11.4	Departementets vurdering .....	331		Departementets forslag .....	349
40.11.5	Departementets forslag .....	334		Internkontroll .....	349
<b>41</b>	<b>Opplæring for barn og unge som søker om eller ikkje har oppahaldsløyve i Noreg</b> .....	335		Dagens reglar .....	349
41.1	Innleiing .....	335		Høyringsforslaget .....	349
41.2	Dagens reglar .....	335		Høyringsinstansanes syn .....	350
41.2.1	Grunnlova og Noregs folkerettslege forpliktingar .....	335		Departementets vurdering .....	350
41.2.2	Opplæringslova .....	335		Departementets forslag .....	350
41.2.3	Utlendingslova .....	336			

42.7	Innverknaden til yrkesopplæringsnemnda i saker om godkjenning av lærebedrift .....	350	43.4.1	Dagens reglar .....	361
42.7.1	Dagens reglar .....	350	43.4.2	Høyringsforslaget .....	361
42.7.2	Høyringsforslaget .....	350	43.4.3	Høyringsinstansanes syn .....	361
42.7.3	Høyringsinstansanes syn .....	351	43.4.5	Departementets vurdering .....	362
42.7.4	Departementets vurdering .....	351	43.5	Departementets forslag .....	362
42.7.5	Departementets forslag .....	351	43.5.1	Rett til vidaregåande opplæring for vaksne .....	363
42.8	Pliktene til fylkeskommunen .....	351	43.5.2	Dagens reglar .....	363
42.8.1	Dagens reglar .....	351	43.5.3	Høyringsforslaget .....	363
42.8.2	Høyringsforslaget .....	351	43.5.4	Høyringsinstansanes syn .....	364
42.8.3	Høyringsinstansanes syn .....	352	43.5.5	Departementets vurdering .....	365
42.8.4	Departementets vurdering .....	352	43.6	Departementets forslag .....	366
42.8.5	Departementets forslag .....	353	43.6.1	Rett til læreplass for vaksne .....	366
42.9	Regulering av kontrakten om opplæring og av arbeidsavtalen ....	353	43.6.2	Dagens reglar .....	366
42.9.1	Dagens reglar .....	353	43.6.3	Høyringsforslaget .....	366
42.9.2	Høyringsforslaget .....	354	43.6.4	Høyringsinstansanes syn .....	367
42.9.3	Høyringsinstansanes syn .....	354	43.6.5	Departementets vurdering .....	367
42.9.4	Departementets vurdering .....	354	43.7	Departementets forslag .....	367
42.9.5	Departementets forslag .....	355		Rett til påbygging og opplæring fram til studiekompetanse for vaksne .....	367
42.10	Tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging .....	355	43.7.1	Dagens reglar .....	367
42.10.1	Dagens reglar .....	355	43.7.2	Høyringsforslaget .....	367
42.10.2	Høyringsforslaget .....	355	43.7.3	Høyringsinstansanes syn .....	368
42.10.3	Høyringsinstansanes syn .....	356	43.7.4	Departementets vurdering .....	368
42.10.4	Departementets vurdering .....	356	43.7.5	Departementets forslag .....	369
42.10.5	Departementets forslag .....	356	43.8	Formålet med opplæringa for vaksne og overordna mål og prinsipp .....	369
42.11	Ansiktsdekkjande plagg .....	356	43.8.1	Dagens reglar .....	369
42.11.1	Dagens reglar .....	356	43.8.2	Høyringsforslaget .....	369
42.11.2	Høyringsforslaget .....	356	43.8.3	Høyringsinstansanes syn .....	369
42.11.3	Høyringsinstansanes syn .....	357	43.8.4	Departementets vurdering .....	370
42.11.4	Departementets vurdering .....	357	43.8.5	Departementets forslag .....	370
42.11.5	Departementets forslag .....	357	43.9	Vidaregående opplæring i kombinasjon med grunnskoleopplæring .....	370
<b>43</b>	<b>Rett til førebuande og vidaregåande opplæring for vaksne .....</b>	<b>358</b>	43.9.1	Dagens reglar .....	370
43.1	Innleiing .....	358	43.9.2	Høyringsforslaget .....	370
43.2	Innplasseringa av reglar om vaksne i opplæringslova .....	359	43.9.3	Høyringsinstansanes syn .....	370
43.2.1	Dagens reglar .....	359	43.9.4	Departementets vurdering .....	371
43.2.2	Høyringsforslaget .....	359	43.9.5	Departementets forslag .....	371
43.2.3	Høyringsinstansanes syn .....	359	43.10	Vaksne utan rett til vidaregåande opplæring .....	371
43.2.4	Departementets vurdering .....	359	43.10.1	Dagens reglar .....	371
43.2.5	Departementets forslag .....	359	43.10.2	Høyringsforslaget .....	372
43.3	Namn på opplæringstilbodet og deltakarane .....	359	43.10.3	Høyringsinstansanes syn .....	372
43.3.1	Dagens reglar .....	359	43.10.4	Departementets vurdering .....	372
43.3.2	Høyringsforslaget .....	359	43.10.5	Departementets forslag .....	372
43.3.3	Høyringsinstansanes syn .....	360	43.11	Gratis opplæring for vaksne .....	372
43.3.4	Departementets vurdering .....	360	43.11.1	Dagens reglar .....	372
43.3.5	Departementets forslag .....	361	43.11.2	Høyringsforslaget .....	373
43.4	Rett til førebuande opplæring for vaksne .....	361	43.11.3	Høyringsinstansanes syn .....	373
			43.11.4	Departementets vurdering .....	373
			43.11.5	Departementets forslag .....	373

43.12	Realkompetansevurdering for vaksne .....	373	43.20.1	Dagens reglar .....	385
43.12.1	Dagens reglar .....	373	43.20.2	Høyringsforslaget .....	385
43.12.2	Høyringsforslaget .....	373	43.20.3	Høyringsinstansanes syn .....	385
43.12.3	Høyringsinstansanes syn .....	373	43.20.4	Departementets vurdering .....	385
43.12.4	Departementets vurdering .....	374	43.20.5	Departementets forslag .....	386
43.12.5	Departementets forslag .....	376	43.21	Opplæring i teiknspråk og punktskrift for vaksne .....	386
43.13	Opplæringa skal bygge på kompetansen til den vaksne .....	377	43.21.1	Dagens reglar .....	386
43.13.1	Dagens reglar .....	377	43.21.2	Høyringsforslaget .....	386
43.13.2	Høyringsforslaget .....	377	43.21.3	Høyringsinstansanes syn .....	386
43.13.3	Høyringsinstansanes syn .....	377	43.21.4	Departementets vurdering .....	386
43.13.4	Departementets vurdering .....	377	43.21.5	Departementets forslag .....	387
43.13.5	Departementets forslag .....	378	43.22	Organisering av opplæringa .....	387
43.14	Innhald og vurdering i opplæringa for vaksne .....	378	43.22.1	Dagens reglar .....	387
43.14.1	Dagens reglar .....	378	43.22.2	Høyringsforslaget .....	387
43.14.2	Høyringsforslaget .....	378	43.22.3	Høyringsinstansanes syn .....	387
43.14.3	Høyringsinstansanes syn .....	378	43.22.4	Departementets vurdering .....	388
43.14.4	Departementets vurdering .....	379	43.22.5	Departementets forslag .....	389
43.14.5	Departementets forslag .....	379	43.23	Ordensreglar, bortvisning og forbod mot ansiktsdekkjande plagg .....	389
43.15	Tilpassa opplæring for vaksne .....	379	43.23.1	Dagens reglar .....	389
43.15.1	Dagens reglar .....	379	43.23.2	Høyringsforslaget .....	389
43.15.2	Høyringsforslaget .....	379	43.23.3	Høyringsinstansanes syn .....	390
43.15.3	Høyringsinstansanes syn .....	380	43.23.4	Departementets vurdering .....	390
43.15.4	Departementets vurdering .....	380	43.23.5	Departementets forslag .....	392
43.15.5	Departementets forslag .....	380	43.24	Læringsmiljø for vaksne .....	392
43.16	Individuell tilrettelegging av opplæring for vaksne .....	380	43.24.1	Dagens reglar .....	392
43.16.1	Dagens reglar .....	380	43.24.2	Høyringsforslaget .....	392
43.16.2	Høyringsforslaget .....	380	43.24.3	Høyringsinstansanes syn .....	392
43.16.3	Høyringsinstansanes syn .....	380	43.24.4	Departementets vurdering .....	392
43.16.4	Departementets vurdering .....	381	43.24.5	Departementets forslag .....	393
43.16.5	Departementets forslag .....	382	43.25	Medverknad .....	393
43.17	Alternativ og supplerende kommunikasjon .....	382	43.25.1	Dagens reglar .....	393
43.17.1	Dagens reglar .....	382	43.25.2	Høyringsforslaget .....	393
43.17.2	Høyringsforslaget .....	382	43.25.3	Høyringsinstansanes syn .....	394
43.17.3	Høyringsinstansanes syn .....	383	43.25.4	Departementets vurdering .....	394
43.17.4	Departementets vurdering .....	383	43.25.5	Departementets forslag .....	394
43.17.5	Departementets forslag .....	383	43.26	Krav om aktiv deltaking og tilgang til å gi permisjon .....	394
43.18	Målform i opplæringa for vaksne ...	383	43.26.1	Dagens reglar .....	394
43.18.1	Dagens reglar .....	383	43.26.2	Høyringsforslaget .....	394
43.18.2	Høyringsforslaget .....	383	43.26.3	Høyringsinstansanes syn .....	394
43.18.3	Høyringsinstansanes syn .....	383	43.26.4	Departementets vurdering .....	395
43.18.4	Departementets vurdering .....	383	43.26.5	Departementets forslag .....	395
43.18.5	Departementets forslag .....	384	43.27	Rådgiving for vaksne .....	396
43.19	Samisk opplæring for vaksne .....	384	43.27.1	Dagens reglar .....	396
43.19.1	Dagens reglar .....	384	43.27.2	Høyringsforslaget .....	396
43.19.2	Høyringsforslaget .....	384	43.27.3	Høyringsinstansanes syn .....	396
43.19.3	Høyringsinstansanes syn .....	384	43.27.4	Departementets vurdering .....	396
43.19.4	Departementets vurdering .....	384	43.27.5	Departementets forslag .....	397
43.19.5	Departementets forslag .....	385	43.28	Skyss, reisefølgje og tilsyn .....	397
43.20	Særskild språkopplæring for vaksne .....	385	43.28.1	Dagens reglar .....	397
			43.28.2	Høyringsforslaget .....	397
			43.28.3	Høyringsinstansanes syn .....	397

43.28.4	Departementets vurdering .....	398	44.5.5	Dei som har lærerid i bedrift, skal ha tilgang til rådgiving .....	409
43.28.5	Departementets forslag .....	399	44.5.6	Ikkje behov for forskritsheimel om rådgiving .....	410
43.29	Kompetansekrav i opplæringa for vaksne .....	400	44.6	Departementets forslag .....	410
43.29.1	Dagens reglar .....	400		<b>Oppfølgingstenesta</b> .....	411
43.29.2	Høyrringsforslaget .....	400		Innleiring .....	411
43.29.3	Høyrringsinstansanes syn .....	400	<b>45</b>	Dagens reglar .....	411
43.29.4	Departementets vurdering .....	401	45.1	Høyrringsforslaget .....	411
43.29.5	Departementets forslag .....	401	45.2	Høyrringsinstansanes syn .....	412
43.30	Krav om politiattest for tilsette i opplæringa for vaksne .....	402	45.3	Departementets vurdering .....	412
43.30.1	Dagens reglar .....	402	45.4	Målgruppa til oppfølgingstenesta ..	412
43.30.2	Høyrringsforslaget .....	402	45.5	Innhaldet i tenesta .....	413
43.30.3	Høyrringsinstansanes syn .....	402	45.5.1	Departementets forslag .....	413
43.30.4	Departementets vurdering .....	402	45.5.2		
43.30.5	Departementets forslag .....	402	45.6		
43.31	Kontaktlærar .....	402	<b>46</b>	<b>Karriererettleiing</b> .....	414
43.31.1	Dagens reglar .....	402	46.1	Innleiring .....	414
43.31.2	Høyrringsforslaget .....	402	46.2	Dagens reglar .....	414
43.31.3	Høyrringsinstansanes syn .....	403	46.3	Høyrringsforslaget .....	414
43.31.4	Departementets vurdering .....	403	46.4	Høyrringsinstansanes syn .....	414
43.31.5	Departementets forslag .....	403	46.5	Departementets vurdering .....	414
43.32	Andre reglar som gjeld for opplæringa for vaksne .....	403	46.6	Departementets forslag .....	415
43.32.1	Dagens reglar .....	403	<b>47</b>	<b>Kulturskolen</b> .....	416
43.32.2	Høyrringsforslaget .....	403	47.1	Innleiring .....	416
43.32.3	Høyrignsinstansanes syn .....	403	47.2	Dagens reglar .....	416
43.32.4	Departementets vurdering .....	403	47.3	Høyrringsforslaget .....	416
43.32.5	Departementets forslag .....	404	47.4	Høyrringsinstansanes syn .....	416
			47.5	Departementets vurdering .....	417
<b>44</b>	<b>Rådgiving</b> .....	405	47.5.1	Krav om kulturskole i opplæringslova .....	417
44.1	Innleiring .....	405	47.5.2	Kulturskolen skal vere organisert i tilknyting til skolen og kulturlivet .....	418
44.2	Dagens reglar .....	405	47.5.3	Lovfestig av formålet med kulturskolen .....	418
44.3	Høyrringsforslaget .....	405	47.5.4	Anna regulering av kulturskolen ..	419
44.4	Høyrringsinstansanes syn .....	406	47.6	Departementets forslag .....	419
44.4.1	Om lova skal ha reglar om rådgiving .....	406	<b>48</b>	<b>Utval, råd, læreplangrupper og klagenemnder som er nemnde opp av staten</b> .....	420
44.4.2	Elevar skal få den rådgivinga som dei treng .....	406	48.1	Innleiring .....	420
44.4.3	Utdannings- og yrkesrådgiving ....	406	48.2	Dagens reglar .....	420
44.4.4	Rådgiving om sosiale og personlege forhold .....	406	48.2.1	Noregs folkerettslege forpliktingar .....	420
44.4.5	Dei som har lærerid i bedrift, skal ha tilgang til rådgiving .....	407	48.2.2	Opplæringslova og forskrifter til opplæringslova .....	420
44.4.6	Spørsmålet om behov for forskritsheimel om rådgiving .....	407	48.3	Høyrringsforslaget .....	421
44.5	Departementets vurdering .....	407	48.4	Høyrringsinstansanes syn .....	421
44.5.1	Om lova skal ha reglar om rådgiving .....	407	48.4.1	Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG) .....	421
44.5.2	Elevar skal få den rådgivinga dei treng .....	407			
44.5.3	Utdannings- og yrkesrådgiving ....	408			
44.5.4	Rådgiving om sosiale og personlege forhold .....	409			

48.4.2	Samarbeidsrådet for yrkesopplæring (SRY), faglege råd for fag- og yrkesopplæringa og læreplangrupper for fag eller arbeidsområde som har lærerid i bedrift .....	421	50.2.3	Krav om relevant kompetanse for å bli tilsett i undervisningsstilling .....	431
48.4.3	Klagenemnder .....	422	50.2.4	Krav om relevant kompetanse for å kunne undervise i fag .....	431
48.4.4	Plikt til å vere medlem av organ, råd og nemnder .....	422	50.2.5	Kontaktlærar .....	431
48.5	Departementets vurdering .....	422	50.2.6	Krav om utlysing og val mellom søkjarar .....	431
48.5.1	Foreldreutvalet for grunnopp-læringa (FUG) .....	422	50.2.7	Tariffavtalar om lønns- og arbeidsvilkår .....	432
48.5.2	Samarbeidsrådet for yrkesopplæring (SRY), faglege råd for fag- og yrkesopplæringa og læreplangrupper for fag eller arbeidsområde som har lærerid i bedrift .....	423	50.2.8	Undervisningspersonalet ved leirskolar .....	432
48.5.3	Klagenemnder .....	423	50.2.9	Fagleg ansvar for opplæringa og bruk av vikarar .....	432
48.5.4	Plikt til å vere medlem av organ, råd og nemnder .....	424	50.2.10	Fleirfagleg kompetanse i skolen og helsesjukepleiar .....	432
48.6	Departementets forslag .....	424	50.3	HøyTINGSforslaget .....	433
<b>49</b>	<b>Privatistar, praksiskandidatar, godkjenning av utanlandsk fagopplæring og mellomstatlege avtalar om private vidaregåande skolar .....</b>	<b>425</b>	50.4	HøyTINGSinstansanes syn .....	434
49.1	Innleiing .....	425	50.4.1	Det generelle kravet til kompetanse og kompetanseutvikling .....	434
49.2	Dagens reglar .....	425	50.4.2	Krav til leiing i skolen .....	434
49.2.1	Privatistar .....	425	50.4.3	Krav om relevant kompetanse for å bli tilsett som i lærarstilling .....	435
49.2.2	Praksiskandidatar .....	425	50.4.4	Krav om relevant kompetanse for å kunne undervise i fag .....	436
49.2.3	Godkjenning av utanlandsk fagopplæring .....	425	50.4.5	Krav om kontaktlærar .....	437
49.2.4	Mellomstatlege avtalar om private vidaregåande skolar .....	425	50.4.6	Utlysing av stillingar og val mellom søkjarar .....	437
49.3	HøyTINGSforslaget .....	426	50.4.7	Tariffavtalar om lønns- og arbeidsvilkår .....	438
49.4	HøyTINGSinstansanes syn .....	426	50.4.8	Undervisningspersonalet ved leirskolar .....	438
49.5	Departementets vurdering .....	426	50.4.9	Fagleg ansvar for opplæringa .....	438
49.5.1	Privatistar .....	426	50.4.10	Personale som hjelper til i opplæringa .....	439
49.5.2	Praksiskandidatar .....	427	50.4.11	Vikarar .....	439
49.5.3	Godkjenning av utanlandsk fag- og yrkesopplæring .....	428	50.4.12	Fleirfagleg kompetanse i skolen og helsesjukepleiar .....	439
49.5.4	Mogleg å godkjenne skolar på grunnlag av mellomstatlege avtalar om private vidaregåande skolar .....	428	50.5	Departementets vurdering .....	440
49.6	Departementets forslag .....	429	50.5.1	Det generelle kravet til kompetanse og kompetanseutvikling .....	440
<b>50</b>	<b>Personalet i skolen .....</b>	<b>430</b>	50.5.2	Krav til leiing i skolen .....	440
50.1	Innleiing .....	430	50.5.3	Krav om relevant kompetanse for å bli tilsett i lærarstilling .....	442
50.2	Dagens reglar .....	430	50.5.4	Krav om relevant kompetanse for å kunne undervise i fag .....	443
50.2.1	Generelle krav til kompetanse og kompetanseutvikling .....	430	50.5.5	Krav om kontaktlærar .....	444
50.2.2	Krav til leiing i skolen .....	430	50.5.6	Utlysing av stillingar og val mellom søkjarar .....	444
			50.5.7	Tariffavtalar om lønns- og arbeidsvilkår .....	445
			50.5.8	Undervisningspersonalet ved leirskolar .....	446

50.5.9	Fagleg ansvar for opplæringa .....	446	53.5.4	Plikt til å stille ressursar til rådvelde .....	466
50.5.10	Personale som hjelper til i opplæringa .....	447	53.6	Departementets forslag .....	466
50.5.11	Vikarar .....	448	<b>54</b>	<b>Behandling av person- opplysningar</b> .....	467
50.5.12	Fleirfagleg kompetanse i skolen og helsesjukepleiar .....	448	54.1	Innleiing .....	467
50.6	Departementets forslag .....	449	54.2	Dagens reglar .....	467
<b>51</b>	<b>Praksisplassar i skolen</b> .....	451	54.2.1	Personopplysningslova og personvernforordninga .....	467
51.1	Innleiing .....	451	54.2.2	Opplæringslova .....	470
51.2	Dagens reglar .....	451	54.3	Høyringsforslaget .....	471
51.3	Høyringsforslaget .....	451	54.4	Høyringsinstansanes syn .....	471
51.4	Høyringsinstansanes syn .....	451	54.4.1	Generelt .....	471
51.4.1	Høvet til å gi pålegg om praksisplass .....	451	54.4.2	Reglane om behandling av personopplysningar .....	471
51.4.2	Høvet til å pålegge kven som skal stå for opplæringa .....	452	54.4.3	Den nasjonale databasen for vitnemål og dokumentasjon av kompetanse .....	472
51.5	Departementets vurdering .....	452	54.4.4	Kommunane si plikt til personvernkonvensens- vurderingar .....	472
51.5.1	Høvet til å gi pålegg om praksisplass .....	452	54.5	Heimel for innhenting av opplysningar frå Folkeregisteret ..	472
51.5.2	Høvet til å pålegge kven som skal stå for opplæringa .....	453	54.5.1	Departementets vurdering .....	472
51.6	Departementets forslag .....	453	54.5.2	Generelt .....	472
<b>52</b>	<b>Politiattest og vandelskontroll</b> ..	454	54.5.3	Reglane om behandling av personopplysningar .....	473
52.1	Innleiing .....	454	54.5.4	Den nasjonale databasen for vitnemål og dokumentasjon av kompetanse .....	474
52.2	Dagens reglar .....	454	54.5.5	Personvernkonvensutgreiingane kommunane gjer .....	475
52.2.1	Opplæringslova .....	454	54.6	Heimel for innhenting av opplysningar frå Folkeregisteret ..	475
52.2.2	Politiregisterlova .....	454		Departementets forslag .....	475
52.3	Høyringsforslaget .....	455			
52.4	Høyringsinstansanes syn .....	455			
52.5	Departementets vurdering .....	456			
52.5.1	Personkrinsen for krav om politiattest .....	456			
52.5.2	Straffebod og tilsetjingsforbod ..	457			
52.6	Departementets forslag .....	459			
<b>53</b>	<b>Ansvoaret til kommunen, fylkeskommunen og staten</b> ..	460	<b>55</b>	<b>Kravet om å sørge for ulykkesforsikring</b> .....	476
53.1	Innleiing .....	460	55.1	Innleiing .....	476
53.2	Dagens reglar .....	460	55.2	Dagens reglar .....	476
53.2.1	Opplæringslova .....	460	55.2.1	Opplæringslova .....	476
53.2.2	Helsepersonellova og spesialist- helsetenestelova .....	461	55.2.2	Anna regelverk .....	476
53.3	Høyringsforslaget .....	461	55.3	Høyringsforslaget .....	476
53.4	Høyringsinstansanes syn .....	461	55.4	Høyringsinstansanes syn .....	477
53.4.1	Ein hovudregel om ansvar .....	461	55.5	Departementets vurdering .....	477
53.4.2	Ansvar for opplæring i institusjon	461	55.5.1	Krav om ulykkesforsikring for elevar .....	477
53.4.3	Unntak frå ansvarsdelinga .....	462	55.5.2	Krav om ulykkesforsikring for dei som har læretid i bedrift ..	478
53.4.4	Plikt til å stille ressursar til rådvelde .....	462	55.5.3	Forholdet til yrkesskade- forsikringslova for andre grupper enn dei som har læretid i bedrift ..	478
53.5	Departementets vurdering .....	462	55.5.4	Vaksne som får opplæring etter kapittel 4 A .....	479
53.5.1	Ein hovudregel om ansvar .....	462			
53.5.2	Ansvar for opplæring i institusjon	463			
53.5.3	Unntak frå ansvarsdelinga .....	465			

55.6	Departementets forslag .....	479	59.2	Dagens reglar .....	489
<b>56</b>	<b>Internkontroll og kvalitetsutvikling .....</b>		<b>59.2.1</b>	Forvalningslova og opplæringslova .....	489
56.1	Innleiing .....	480	59.2.2	Kva det kan klagast på .....	489
56.2	Dagens reglar .....	480	59.2.3	Kven som har rett til å klage .....	491
56.2.1	Plikt til å ha internkontroll .....	480	59.2.4	Kven som er klageinstans .....	491
56.2.2	Plikt til å arbeide med kvalitetsutvikling .....	480	59.2.5	Kommunalt sjølvstyre i klagesaker om skolebytte .....	492
56.2.3	Krav om å ha skolefagleg kompetanse .....	480	59.3	Høyringsforslaget .....	492
56.2.4	Regelen om å pålegge fylkeskommunane å gi rettleiing og drive kvalitetsutvikling .....	480	59.4	Høyringsinstansanes syn .....	492
56.3	Høyringsforslaget .....	481	59.4.1	Kven som har rett til å klage .....	493
56.4	Høyringsinstansanes syn .....	481	59.4.2	Kva det kan klagast over .....	493
56.5	Departementets vurdering .....	482	59.4.3	Kven som er klageinstans .....	493
56.5.1	Ikkje eigne reglar om internkontroll i opplæringslova ....	482	59.5	Departementets vurdering .....	494
56.5.2	Eit generelt krav om kvalitetsutvikling .....	482	59.5.1	Kva det kan klagast over .....	494
56.5.3	Krav om informasjon om tilstanden i skolen .....	483	59.5.2	Kven som har rett til å klage .....	495
56.5.4	Krav om at kvar skole skal vurdere kvalitet .....	483	59.5.3	Kven som er klageinstans .....	495
56.5.5	Brukarmedverknad i arbeidet med kvalitetsutvikling .....	484	59.5.4	Vektlegging av omsynet til det kommunale sjølvstyret i klagesaker om skolebytte .....	496
56.5.6	Krav om skolefagleg kompetanse i administrasjonen i kommunen og fylkeskommunen .....	484	59.6	Departementets forslag .....	497
56.5.7	Regelen om å pålegge fylkeskommunane å gi rettleiing og drive kvalitetsutvikling .....	485	<b>60</b>	<b>Statleg tilsyn med kommunar og fylkeskommunar .....</b>	498
56.6	Departementets forslag .....	485	60.1	Innleiing .....	498
<b>57</b>	<b>Oppfylling av enkeltvedtak som er kjent ugyldig .....</b>		60.2	Dagens reglar .....	498
57.1	Innleiing .....	486	60.2.1	Lokalt sjølvstyre .....	498
57.2	Dagens reglar .....	486	60.2.2	Statleg tilsyn etter opplæringslova og kommunelova .....	498
57.3	Høyringsforslaget .....	486	60.2.3	Saksbehandlingsreglar ved tilsyn .....	499
57.4	Høyringsinstansanes syn .....	486	60.3	Høyringsforslaget .....	499
57.5	Departementets vurdering .....	486	60.4	Høyringsinstansanes syn .....	499
57.6	Departementets forslag .....	486	60.5	Departementets vurdering .....	500
			60.5.1	Om det er behov for statleg tilsyn .....	500
			60.5.2	Kva rammer det skal vere for tilsynet .....	501
				Kva plikter det skal førast tilsyn med .....	501
				Kven som skal føre tilsyn .....	503
				Departementets vurdering .....	503
<b>58</b>	<b>Deltaking i evalueringar og informasjonsinnhenting .....</b>		<b>61</b>	<b>Reaksjonar overfor kommunane, fylkeskommunane og tilsette i skolen .....</b>	504
58.1	Innleiing .....	487	61.1	Innleiing .....	504
58.2	Dagens reglar .....	487	61.2	Dagens reglar .....	504
58.3	Høyringsforslaget .....	487	61.2.1	Pålegg .....	504
58.4	Høyringsinstansanes syn .....	487	61.2.2	Tvangsmult .....	504
58.5	Departementets vurdering .....	487	61.2.3	Straff .....	504
58.6	Departementets forslag .....	488	61.2.4	Erstatning .....	505
<b>59</b>	<b>Klagerett og klageinstans .....</b>		61.3	Høyringsforslaget .....	505
59.1	Innleiing .....	489	61.4	Høyringsinstansanes syn .....	505
			61.5	Departementets vurdering .....	506
			61.6	Departementets forslag .....	506

<b>62</b>	<b>Avgjerder på vegner av barnet når barnevernstenesta har overteke omsorga .....</b>	508	65.5.7	Elevar i private grunnskolar skal ha same tilgang til PP-tenesta som elevar i den offentlege skolen har .....	520
62.1	Innledning .....	508	65.5.8	Fritak frå aktivitetar .....	520
62.2	Dagens reglar .....	508	65.5.9	Fjernundervisning .....	520
62.3	Høyringsforslaget .....	508	65.5.10	Reglar som ikkje skal gjelde for private grunnskolar .....	521
62.4	Høyringsinstansanes syn .....	508		Departementets forslag .....	521
62.5	Departementets vurdering .....	508			
62.6	Departementets forslag .....	509	65.6		
<b>63</b>	<b>Reklame i skolen .....</b>	510	<b>66</b>	<b>Privatskolelova .....</b>	522
63.1	Innledning .....	510	66.1	Innleiing .....	522
63.2	Dagens reglar .....	510	66.2	Dagens reglar .....	522
63.2.1	Opplæringslova .....	510	66.2.1	Opplæringstilbodet .....	522
63.2.2	Marknadsføringslova .....	510	66.2.2	Det beste for eleven .....	523
63.3	Høyringsforslaget .....	511	66.2.3	Plikt til å vere aktivt med i opplæringa, oppfølgingsplikt ved fråvær og lekser .....	523
63.4	Høyringsinstansanes syn .....	511	66.2.4	Samarbeid mellom skolen og foreldra .....	523
63.5	Departementets vurdering .....	511		Medverknaden til elevane .....	523
63.6	Departementets forslag .....	512		Skoledemokratiet .....	524
<b>64</b>	<b>Forsøk .....</b>	513	66.2.5	Fjernundervisning .....	524
64.1	Innleiing .....	513	66.2.6	Tilpassa opplæring .....	524
64.2	Dagens reglar .....	513	66.2.7	Individuell tilrettelegging av opplæringa .....	525
64.2.1	Opplæringslova .....	513	66.2.8	Alternativ og supplerande kommunikasjon .....	525
64.2.2	Forsøkslova .....	513	66.2.9	Særskild språkopplæring for elevar som har eit anna morsmål enn norsk og samisk .....	525
64.2.3	Universitets- og høgskolelova .....	513	66.2.10	Fritak frå aktivitetar i opplæringa .....	526
64.3	Høyringsforslaget .....	513	66.2.11	Informasjonsplikta skolen har overfor elevar og foreldra .....	526
64.4	Høyringsinstansanes syn .....	514	66.2.12	Inntak til private vidaregåande skolar godkjende etter privatskolelova .....	527
64.5	Departementets vurdering .....	514	66.2.13	Overgangen frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa .....	528
64.5.1	Reguleringa av forsøksverksemd ..	514	66.2.15	Personalet i skolen .....	528
64.5.2	Forholdet til forsøkslova .....	514	66.2.16	Politiattest og vandelskontroll .....	528
64.6	Departementets forslag .....	515	66.2.17	Definisjonen på omgrepene «vertskommune» og «vertsfylke» .....	528
<b>65</b>	<b>Private grunnskolar som ikkje får statsstøtte .....</b>	516	66.2.18	Presiseringar om reglar som ikkje gjeld vaksne .....	529
65.1	Innleiing .....	516	66.2.19	Reglar i privatskolelova som gjeld skolar godkjende etter kapittel 6A .....	529
65.2	Dagens reglar .....	516	66.2.20	Høyringsforslaget .....	529
65.2.1	Noregs internasjonale forpliktingar .....	516	66.3	Opplæringstilbodet .....	529
65.2.2	Opplæringslova .....	516	66.3.1	Det beste for eleven .....	529
65.3	Høyringsforslaget .....	517	66.3.2	Plikt til å vere aktivt med i opplæringa, oppfølgingsplikt ved fråvær og lekser .....	529
65.4	Høyringsinstansanes syn .....	517	66.3.3		
65.5	Departementets vurdering .....	519			
65.5.1	Vidareføre dagens godkjenningsordning for private grunnskolar ..	519			
65.5.2	Teieplikt .....	519			
65.5.3	Tilsyn med private grunnskolar ....	519			
65.5.4	Regulere når godkjenninga til private grunnskolar som ikkje er i drift, fell bort .....	519			
65.5.5	Regulering av unntak for utanlandske og internasjonale skolar .....	519			
65.5.6	Tilpassa opplæring for elevar i private grunnskolar .....	520			

66.3.4	Samarbeid mellom skolen og foreldra .....	529	66.4.12	Informasjonsplikta skolen har overfor elevar og foreldre .....	535
66.3.5	Medverknaden til elevane og skoledemokratiet .....	529	66.4.13	Inntak til private vidaregåande skolar godkjende etter privatskolelova .....	535
66.3.6	Fjernundervisning .....	530	66.4.14	Overgang frå grunnskole til vidaregåande opplæring .....	535
66.3.7	Tilpassa opplæring .....	530	66.4.15	Personalet i skolen .....	536
66.3.8	Individuell tilrettelegging av opplæringa .....	530	66.4.16	Politiattest og vandelskontroll .....	536
66.3.9	Alternativ og supplerande kommunikasjon .....	530	66.4.17	Lovfeste definisjonen på omgrepene «vertskommune» og «vertsby» .....	536
66.3.10	Intensiv opplæring for elevar i vidaregåande opplæring .....	530	66.4.18	Oppheve overflødige presiseringar om reglar som ikkje gjeld vaksne .....	536
66.3.11	Særskild språkopplæring for elevar som har eit anna morsmål enn norsk og samisk .....	530	66.4.19	Leggje til tilvisingar til reglar i privatskolelova som gjeld skolar godkjende etter kapittel 6A. ....	536
66.3.12	Fritak frå aktivitetar i opplæringa ..	531	66.5	Departementets vurdering .....	536
66.3.13	Informasjonsplikta skolen har overfor elevar og foreldre .....	531	66.5.1	Opplæringstilbodet .....	536
66.3.14	Inntak til private vidaregåande skolar godkjende etter privatskolelova .....	531	66.5.2	Det beste for eleven .....	537
66.3.15	Overgangen frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa .....	531	66.5.3	Plikt til å vere aktivt med i opplæringa, oppfølgingsplikt ved fråvær og lekser .....	537
66.3.16	Personalet i skolen .....	531	66.5.4	Samarbeid mellom skolen og foreldra .....	537
66.3.17	Politiattest og vandelskontroll .....	531	66.5.5	Medverknaden til elevane .....	537
66.3.18	Forslag om å lovfeste definisjonen på omgrepene «vertskommune» og «vertsby» .....	531	66.5.6	Skoledemokratiet .....	537
66.3.19	Forslag om å oppheve overflødige presiseringar om reglar som ikkje gjeld vaksne .....	531	66.5.7	Fjernundervisning .....	538
66.3.20	Forslag om å leggje til tilvisingar til reglar i privatskolelova som gjeld skolar godkjende etter kapittel 6A .....	532	66.5.8	Tilpassa opplæring .....	539
66.4	Høyringsinstansanes syn .....	532	66.5.9	Individuell tilrettelegging av opplæringa .....	539
66.4.1	Opplæringstilbodet .....	532	66.5.10	Alternativ og supplerande kommunikasjon .....	540
66.4.2	Det beste for eleven .....	532	66.5.11	Særskild språkopplæring for elevar som har eit anna morsmål enn norsk og samisk .....	540
66.4.3	Plikt til å vere aktivt med i opplæringa, oppfølgingsplikt ved fråvær og lekser .....	532	66.5.12	Fritak frå aktivitetar i opplæringa .....	541
66.4.4	Samarbeid mellom skolen og foreldra .....	532	66.5.13	Informasjonsplikta til skolen overfor elevar og foreldre .....	541
66.4.5	Medverknaden til elevane og skoledemokratiet .....	533	66.5.14	Inntak til private vidaregåande skolar .....	542
66.4.6	Fjernundervisning .....	533	66.5.15	Overgang frå grunnskole til vidaregåande opplæring .....	543
66.4.7	Tilpassa opplæring .....	534	66.5.16	Personalet i skolen .....	543
66.4.8	Individuell tilrettelegging av opplæringa .....	534	66.5.17	Politiattest og vandelskontroll .....	544
66.4.9	Alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK) .....	535	66.5.18	Definisjonen på omgrepene «vertskommune» og «vertsby» .....	544
66.4.10	Særskild språkopplæring for elevar som har eit anna morsmål enn norsk og samisk .....	535	66.5.19	Presiseringar om reglar som ikkje gjeld vaksne .....	544
66.4.11	Fritak frå aktivitetar i opplæringa ..	535	66.5.20	Reglar i privatskolelova som gjeld skolar godkjende etter kapittel 6A .....	544
			66.6	Departementets forslag .....	545
			66.6.1	Opplæringstilbodet .....	545
			66.6.2	Det beste for eleven .....	545

66.6.3	Plikt til å vere aktivt med i opplæringa, oppfølgingsplikt ved fråvær og lekser .....	545	68.8	Plikt til å vere aktivt med i opplæringa, oppfølgingsplikt ved fråvær og lekser .....	551	
66.6.4	Samarbeid mellom skolen og foreldra .....	545	68.9	Organiseringa av opplæringa .....	552	
66.6.5	Medverknaden til elevane .....	545	68.11	Fjernundervisning .....	552	
66.6.6	Skoledemokratiet .....	545	68.12	Opplæringsspråk og talemål .....	552	
66.6.7	Fjernundervisning .....	546	68.13	Bokmål og nynorsk i opplæringa ..	552	
66.6.8	Tilpassa opplæring .....	546	68.14	Lærermiddel .....	553	
66.6.9	Individuell tilrettelegging av opplæringa .....	546	68.15	Informasjonsplikta skolen har overfor elevar og foreldre .....	553	
66.6.10	Alternativ og supplerande kommunikasjon .....	546	68.16	Samarbeid mellom skolen og foreldra .....	553	
66.6.11	Særskild språkopplæring for elevar som har eit anna morsmål enn norsk og samisk .....	546	68.17	Medverknaden til elevane og sjølvråderetten til elevane .....	553	
66.6.12	Fritak frå aktivitetar i opplæringa ..	546	68.18	Skoledemokratiet .....	553	
66.6.13	Informasjonsplikta skolen har overfor elevane .....	547	68.19	Samarbeid mellom skolen og andre velferdstenester .....	553	
66.6.14	Inntak til private vidaregåande skolar godkjende etter privatskolelova .....	547	68.20	Tilpassa opplæring .....	553	
66.6.15	Overgang frå grunnskole til vidaregåande opplæring .....	547	68.21	Individuell tilrettelegging av opplæringa .....	553	
66.6.16	Personalet i skolen .....	547	68.22	Alternativ og supplerande kommunikasjon .....	553	
66.6.17	Politiattest og vandelskontroll ..	547	68.23	Pedagogisk-psykologisk teneste ..	554	
66.6.18	Definisjonen på omgrepene «vertscommune» og «vertsfylke» ..	547	68.24	Særskild språkopplæring for elevar som har eit anna morsmål enn norsk og samisk .....	554	
66.6.19	Presiseringar om reglar som ikkje gjeld vaksne .....	547	68.25	Opplæring i og på norsk teiknsspråk .....	554	
66.6.20	Tilvisingar til reglar i privatskolelova som gjeld skolar godkjende etter kapittel 6A .....	548	68.26	Opplæring i og på dei samiske språka .....	554	
<b>67</b>	<b>Endringar i andre lovar, iverksetjing og overgangsreglar .....</b>	<b>549</b>	68.27	Opplæring i finsk og kvensk .....	555	
67.1	Endringar i andre lover .....	549	68.28	Opplæring i punktskrift, tekniske hjelpemiddel og mobilitet .....	555	
67.2	Iverksetjing og oppheving .....	549	68.29	Skolemiljøet til elevane .....	555	
67.3	Overgangsreglar .....	549	68.30	Skoleregler og ordenstiltak .....	556	
<b>68</b>	<b>Økonomiske og administrative konsekvensar .....</b>	<b>550</b>	68.31	Opplæring om kristendom, religion, livssyn og etikk og fritak frå aktivitetar .....	556	
68.1	Innleiing .....	550	68.32	Skoletur med overnatting .....	556	
68.2	Formålet med opplæringslova og verkeområdet til lova .....	551	68.33	Skyss, reisefølgje og losji .....	556	
68.3	Formålet med opplæringa .....	551	68.34	Skolefritidsordninga, leksehjelp og skolebibliotek .....	556	
68.4	Rett og plikt til grunnskoleopplæring .....	551	68.35	Privat grunnskoleopplæring i heimen .....	556	
68.5	Det beste for eleven .....	551	68.35.1	Rett til vidaregåande opplæring ..	556	
68.6	Opplæringstilbodet .....	551	68.35.2	Generelt .....	556	
68.7	Kva grunnskole elevane skal gå på .....	551	68.35.3	Utvida rett til vidaregåande opplæring for ungdom og vaksne slik at retten gjeld fram til den enkelte har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse .....	557	
					Rett til yrkesfagleg rekvalifisering for dei som har studie- eller yrkeskompetanse frå før .....	557

68.35.4	Retten til påbygging til generell studiekompetanse .....	558	68.42	Kulturskolen .....	562
68.35.5	Omval i vidaregående opplæring ..	558	68.43	Utval, råd, læreplangrupper og klagenemnder utnemnde av staten .....	563
68.35.6	Plikt for fylkeskommunen til å ha eit opplæringstilbod i overgangen mellom grunnskolen og den vidaregåande opplæringa .....	558	68.44	Privatistar, praksiskandidatar, godkjenning av utanlandske fagopplæring og mellomstatlege avtalar om private vidaregåande skolar .....	563
68.35.7	Plikt til å sørge for at elevane får ein trygg og god overgang frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa .....	558	68.45	Personalet i skolen .....	563
68.36	Opplæring for barn og ungdom som søker eller ikkje har opphaldsløyve i Noreg .....	558	68.46	Praksisplassar i skolen .....	563
68.37	Vidaregående opplæring i bedrift ..	559	68.47	Politiattest og vandelskontroll .....	563
68.38	Rett til førebuande og vidaregående opplæring for vaksne .....	559	68.48	Ansvaret til kommunane, fylkeskommunane og staten .....	563
68.38.1	Generelt .....	559	68.49	Behandling av personopplysningar .....	564
68.38.2	Rett til realkompetanseurdering for vaksne .....	559	68.51	Kravet om å sørge for ulykkesforsikring .....	564
68.38.3	Individuell tilrettelegging av opplæring for vaksne i vidaregående opplæring .....	560	68.52	Internkontroll og kvalitetst utvikling .....	564
68.38.4	Rett til opplæring i og på samisk ..	560	68.54	Oppfylling av enkeltvedtak som er kjent ugyldig .....	564
68.38.5	Rett til særskild språkopplæring i grunnskoleopplæring for vaksne .....	560	68.55	Deltaking i evalueringar og informasjonsinnhenting .....	564
68.38.6	Rett til forsterka opplæring i norsk i vidaregående opplæring for vaksne .....	560	68.56	Klagetilgang og klageinstans .....	564
68.38.7	Rett til opplæring i teiknspråk og punktskrift .....	560	68.57	Statleg tilsyn med kommunar og fylkeskommunar .....	564
68.38.8	Påbygging og opplæring fram til studiekompetanse .....	560	68.58	Reaksjonar overfor kommunar, fylkeskommunar og tilsette i skolen .....	565
68.38.9	Rett til skyss for dei mellom 19 og 24 år som vel vidaregåande opplæring for vaksne .....	561	68.59	Avgjerder på vegner av barnet når barnevernstenesta har overteke omsorga .....	565
68.38.10	Plikt for kommunen og fylkeskommunen til å sørge for rådgiving for vaksne i grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring .....	561	68.60	Reklame i skolen .....	565
68.38.11	Politiattest .....	562	68.61	Forsøk .....	565
68.39	Rådgiving .....	562		Private grunnskolar som ikkje får statsstøtte .....	565
68.40	Oppfølgingstenesta .....	562		Privatskolelova .....	565
68.41	Karriererettleiling .....	562	<b>69</b>	<b>Merknader til lovforslaget .....</b>	566
				<b>Forslag til lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) .....</b>	671
				<b>Vedlegg</b>	
			1	Lovspeil .....	706



# Prop. 57 L

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

## Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)

*Tilråding fra Kunnskapsdepartementet 24. mars 2023,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Støre)*

### 1 Hovudinhaldet i proposisjonen

#### 1.1 Innleiing

Kunnskapsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag til ny opplæringslov. Den nye lova vil erstatte lov 17. juli 1998 nr. 61 Lov om grunnskolen og den vidaregående opplæringa (opplæringslova). Departementet følgjer med denne proposisjonen opp NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*.

Opplæringslova er det sentrale rettslege rammeverket for at skolen skal lykkast med det viktige samfunnssoppdraget sitt. Fellesskolen er ein del av grunnmuren i den norske velferdsstaten og legg til rette for at alle barn skal få like moglegheit til utdanning uavhengig av kvar ein bur, sosial bakgrunn, kulturell og etnisk bakgrunn, funksjonsevne, seksuell orientering og kjønn.

Opplæringslova skal vere eit solid rammeverk som sikrar alle ei opplæring av høg kvalitet, eit trygt læringsmiljø, og medverknad i forhold som gjeld ein sjølv. Kunnskap til alle gir også moglegheit til alle. Dette er viktig for kvart enkelt men-

neske, men også for eit stabilt og godt velferdssamfunn. Det at alle møtest i dei same klasseromma og går gjennom den same opplæringa, bidreg til eit samfunn med høg tillit, sosial mobilitet og små forskjellar.

Opplæringslova er ei av dei viktigaste lovene i landet. Ho regulerer skolekvarden til over 820 000 barn og unge og arbeidsdagen til over 95 000 lærarar i skolane. Det same gjeld kvarden til alle som har lærerid i bedrift, og alle vaksne som får grunnskoleopplæring eller vidaregåande opplæring. I tillegg påverkar opplæringslova kvarden til tusenvis av tilsette i kommunar, fylkeskommunar, staten og det private og har også mykje å seie for foreldre og andre familiemedlemmer og privatpersonar.

Formålet med den nye lova er å få ei oppdatert opplæringslov som er meir tilgjengeleg, tydeleg og forståeleg, og som er betre tilpassa det noverande og framtidige samfunnet og kvarden i opplæringssektoren i Noreg.

## 1.2 Samandrag

### 1.2.1 Lesarrettleining for proposisjonen

I denne proposisjonen blir innleiinga tema omhandla i punkt 1 til 6.

Punkta 7 til 64 omtaler dei enkelte temaa og forslaga til lovreglar i opplæringslova. Kvart punkt inneholder ei innleiing som gir oversikt over kva tema som blir behandla i punktet. Innleiinga gir også informasjon om oppmodingsvedtak frå Stortinget, der dette er relevant. I kvart punkt er det vidare tatt inn eit underpunkt om dagens reglar, eit underpunkt som gir oversikt over høyringsforslaget og forholdet til forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, og eit underpunkt som gir oversikt over kva høyringsinstansane har meint. I underpunktet som inneholder vurderingane til departementet, blir høyringsinnspela drøfta opp mot høyringsforslaget, og forslaget frå opplæringslovutvalet, og departementets forslag kjem fram undervegs i drøftingane. Til slutt er det sett inn eit underpunkt som samanfattar departementets forslag, noko som gjer det enkelt å jamføre forslaga i proposisjonen her med forslaget som vart sendt på høyring.

Punkt 65 omtaler tema og forslag som gjeld private grunnskolar som ikkje får statsstøtte. Punkt 66 omtaler tema og forslag til endringar i privatskolelova. Punkt 67 omtalar endringar i andre lovar, iverksetting og overgangsreglar.

Punkt 68 og 69 omhandlar økonomiske og administrative konsekvensar og merknader til dei enkelte reglane. Lovforslaget og lovspel følgjer til slutt i proposisjonen.

### 1.2.2 Innhaldet i proposisjonen

Den nye opplæringslova inneholder, som opplæringslova frå 1998, reglane om elevane sine rettar og kommunane og fylkeskommunane sine plikter på opplæringsfeltet.

Proposisjonen inneholder forslag til reglar om rettigheter og plikter i grunnskoleopplæringa for barn og unge, vidaregående opplæring i skole og bedrift samt førebuande og vidaregåande opplæring for vaksne.

Det er også forslag til reglar om innhaldet i og organiseringen av opplæringa, og om tilpassa opplæring, individuell tilrettelegging av opplæringa, særskilt språkopplæring, samisk, finsk og kvensk, tegnspråk og punktskrift.

Blant andre sentrale element i lova kan reglane om elevdeltaking, medvirkning, informa-

sjonsplikt og skoledemokrati trekkast fram, saman med reglar om krav til leinga og personale i skolen og om kvalitetsutvikling. Lovforslaget inneholder vidare reglar om skolemiljø, skoleregler og ordenstiltak. I tillegg er det foreslått reglar om rådgiving, oppfølgingsteneste og samarbeid med andre instansar.

Proposisjonen inneholder også forslag om reglar om tenester som ikkje er ein del av opplæringa. Det gjeld mellom anna reglar om skolefritidsordninga, kulturskole og leksehjelp.

I tillegg inneholder lovforslaget reglar om klage, tilsyn og andre prosessuelle tema.

Mange av reglane som blir foreslått i proposisjonen, er i hovudsak vidareføringar frå dagens opplæringslov. Oversikt over sentrale forskjellar mellom gjeldande lov og forslaget til ny opplæringslov står i punkt 1.2.3. Dette er forslag som til dømes inneber nye plikter for kommunar eller fylkeskommunar. Omtale av korleis forslaget til ny opplæringslov vil bidra til å nå opplæringspolitiske mål er omtalt i punkt 2.2.

### 1.2.3 Oversikt over sentrale forslag til endringar i ny opplæringslov

Dette punktet gir ei oversikt over sentrale forskjellar mellom gjeldande lov og forslaget til ny opplæringslov. Dette er forslag som til dømes inneber nye plikter for kommunar eller fylkeskommunar. I proposisjonen blir det mellom anna foreslått:

- å lovfeste prinsippet om barnets beste i ein eigen paragraf om det beste for eleven, sjå punkt 10
- å lovfeste at kommunar, fylkeskommunar og privatskolar skal følge opp elevar som har høgt fråvær i grunnskole og vidaregåande opplæring, sjå punkt 13
- å presisere i lova at elevane kan bli pålagde å gjere lekser, sjå punkt 13
- å opne for at delar av opplæringa kan givast som fjernundervisning dersom det er gode grunnar for det, og det er trygt og pedagogisk forsvarleg, sjå punkt 15
- å lovfeste retten til opplæring i ei eiga gruppe på det skriftspråket kommunen ikkje har vedteke, til å gjelde også for elevar på 8. til 10. trinn, sjå punkt 17
- å lovfeste at skolen skal bruke skriveprogram som støttar både bokmål og nynorsk, sjå punkt 18
- å lovfeste at elevane har rett til medverknad i alt som gjeld dei sjølve etter opplæringslova, at elevane har rett til å ytra meiningane sine fritt og bli høyrd, og at meiningane til elevane skal

vektleggjast i samsvar med alderen og modnaden til eleven, sjå punkt 21

- å lovfeste retten til eit skoledemokrati, og vidareføre at skolane skal ha eit elevråd, men at elevane kan velje å organisere seg på annan måte, sjå punkt 22
- å vidareføre og gjere tydeleg i lova at den pedagogisk-psykologiske tenesta skal hjelpe skolen i det førebyggjande arbeidet og i arbeidet med tidleg innsats
- å lovfeste at elevar med høyrselfhemming som går i ordinære vidaregåande skolar, og som bruker tolk, skal ha rett til å kunne velje å få opplæring i faget norsk teiknspråk med utvida timetal, sjå punkt 29
- å lovfeste at alle elevar som har hatt opplæring i eller i og på samisk i grunnskolen, har rett til opplæring i samisk i den vidaregåande opplæringa, sjå punkt 30
- å lovfeste at elevar med kvensk/norskfinsk bakgrunn som går på skole i Troms og Finnmark fylke, har rett til opplæring i kvensk eller finsk i grunnskolen uavhengig av talet på elevar per kommune/skole, sjå punkt 31
- å justere og tydeliggjøre reglane om skolemiljø, for å bidra til auka rettstryggleik og effektiv sakshandsaming, sjå punkt 33
- at det blir innført ei meldeplikt til kommunen før oppstart av heimeundervisning, og å lovfeste at kommunane skal føre tilsyn innan tre månader etter at den private grunnskoleopplæringa i heimen har starta, sjå punkt 39
- å endre tidspunktet for når dei som søker om opphaldsløye, mistar rett til opplæring på grunn av alder, slik at dei får rett til førebuande opplæring (grunnskoleopplæring) for vaksne og vidaregående opplæring ut det skoleåret som startar det kalenderåret dei fyller 18 år, sjå punkt 41
- å lovfeste at kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at skolane har tilgang på vikarar ved vanleg og forventa fråvær, sjå punkt 50
- å utvide personkrinsen slik at alle tilsette ved leirskolar blir inkluderte i kravet om å leggje fram politiattest og å utvide området for kva straffebod som skal noterast på ein politiattest, sjå punkt 52
- å påleggje fylkeskommunen ansvar for å oppfylle retten til opplæring for barn og søsken til innlagde på helseinstitusjon når institusjonsoppholdet truleg vil føre til meir enn 14 dagar fråvær per skoleår for barnet eller søskenet, sjå punkt 53
- å lovfeste et generelt krav om kvalitetsutvikling, og innføre krav om at også fylkeskommun-

nen skal ha skolefagleg kompetanse i administrasjonen, sjå punkt 56

Sentrale forslag som er knytte til fullføringsreforma i vidaregåande opplæring og sysselsetjings- og kvalifiseringspolitikken:

- å utvide retten til vidaregåande opplæring for både ungdom og vaksne fram til oppnådd studie- eller yrkeskompetanse, sjå punkt 40.2
- å innføre ein yrkesfagleg rekvalifiseringsrett for dei som har studie- eller yrkeskompetanse frå før (både ungdom og vaksne), sjå punkt 40.3
- å lovfeste ein uavgrensa rett til omval fram til søknadsfristen for inntak det året ungdommene fyller 19 år. Dei som ikkje har gjort omval før dette, har rett til eitt omval, sjå punkt 40.4.
- å føre vidare retten til påbygging til generell studiekompetanse for ungdom med bestått fag- og yrkesopplæring, men oppheve dagens tidsavgrensing på eitt år, sjå punkt 40.5
- å innføre plikt for fylkeskommunen til å ha eit opplæringstilbod i overgangen til vidaregåande opplæring for elevar som manglar faglege eller språklege føresetnader for å kunne delta i og bestå vidaregåande opplæring, sjå punkt 40.11
- å innføre ei plikt for fylkeskommunen til å sørge for at elevane får ein trygg og god overgang frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa, og å innføre ei plikt for kommunen til å samarbeide med fylkeskommunen om overgangen, sjå punkt 40.11
- å innføre ei ny plikt for fylkeskommunen til å sørge for at dei som har lærerid i bedrift skal ha tilgang til rådgiving om utdannings- og yrkesval og rådgiving om sosiale og personlege forhold, sjå punkt 44
- å utvide målgruppa for oppfølgingstenesta frå 16–21 år til 16–24 år, sjå punkt 45

Sentrale forslag som er knytte til førebuande (grunnskoleopplæring) og vidaregåande opplæring for vaksne der fleire kan sjåast som del av sysselsetjings- og kvalifiseringspolitikken:

- å utvide retten til påbygging og anna opplæring fram til generell studiekompetanse for vaksne slik at det blir ei lik rett til opplæring fram mot generell studiekompetanse som til yrkesfagleg rekvalifisering, sjå punkt 43.7
- å lovfeste rett til opplæring i samisk for samar i førebuande og vidaregåande opplæring for vaksne og rett til opplæring på samisk i førebuande opplæring for vaksne i forvaltningsområdet for samiske språk når det er nødvendig for å sikre den vaksne forsvarleg opplæring, sjå punkt 43.19

- å innføre rett til opplæring i teiknspråk og punktskrift for vaksne med høysels- og synshemming, sjå punkt 43.21
- å innføre ein rett til individuell tilrettelegging av opplæringa for vaksne i vidaregåande opplæring som er meir avgrensa enn for barn og unge, sjå punkt 43.16
- å lovfeste rett til særskild språkopplæring i førebuande opplæring for vaksne, sjå punkt 43.20
- å innføre rett til forsterka opplæring i norsk for vaksne i vidaregåande opplæring fram til dei kan norsk godt nok til å følgje den vanlege opplæringa, sjå punkt 43.20
- å innføre rett til å velje målform på eige skriftleg arbeid i førebuande og vidaregåande opplæring for vaksne, sjå punkt 43.18
- å innføre plikt for kommunen og fylkeskommunen til å ha tilbod om rådgiving om utdannings- og yrkesval i førebuande og vidaregåande opplæring for vaksne, sjå punkt 43.27
- å innføre rett til skyss for dei mellom 19 og 25 år som vel vidaregåande opplæring for vaksne, sjå punkt 43.28
- å innføre ei plikt for kommunane og fylkeskommunane til å arbeide kontinuerleg for at vaksne deltakarar har eit trygt og godt læringsmiljø, og ei plikt til å gripe inn dersom ein deltakar blir utsett for krenkingar, sjå punkt 43.24
- å utvide plikta til å sørge for ulykkesforsikring til også å omfatte personar som deltar i førebuande opplæring for vaksne og vidaregåande opplæring for vaksne, sjå punkt 55

## 2 Bakgrunnen for lovforslaget

### 2.1 Prosessen fram til forslag om ny lov

#### 2.1.1 Generelt

I august 2021 sende Kunnskapsdepartementet forslag til ny opplæringslov på høyring.

Høyringsforslaget byggjer på opplæringslovutvalets NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov* og dei over 700 høyringssvara som kom inn til forslaget frå utvalet. I arbeidet med høyringsforslaget gjennomførte departementet fleire høyringsmøte, mellom anna eit eige møte med elevar, der departementet fekk verdifulle innspel. Sjå omtale av høyringsmøta i punkt 2.1.2.

I juli 2022 sende Kunnskapsdepartementet på høyring forslag om unntak frå kravet om relevant kompetanse i undervisningsfag og om å innføre ei plikt til å politimelde dersom ein søker har levert falske dokument ved søknad om godkjenning av utanlandsk fag- og yrkesopplæring. Denne høyringa blir også følgd opp i denne proposisjonen. Sjå omtale av høyringa i punkt 3.2.

Departementet har lagt vekt på at lova skal vere brukarvennleg, med ein oversiktlege struktur og med eit språk som kan forståast også av dei som ikkje har juridisk bakgrunn. Språkrådet har hjelpt departementet og gitt språkfagleg hjelp i arbeidet med lovteksten og klart lovspråk.

Forslaget følgjer også opp ei rekke anmodningsvedtak som blir presenterte i tilknytning til dei aktuelle forslaga.

#### 2.1.2 Innspelsmøte og dialog med elevar og andre aktører

##### Møte med elevar

Grunnlova og barnekonvensjonen legg overordna føringer for avgjerder som vil ha direkte betydning for barn og unge. Kjernen er at lovgiving og andre reglar som rettar seg mot barn, må byggje på prinsippet om det beste for barnet og på vurderingar av kva konsekvensar reglane har og kan få for barn. I dette ligg det også ei forplikting om å høyre barn og unge i spørsmål som gjeld dei, og om å legge vekt på meiningsane deira.

I arbeidet med NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov* møtte opplæringslovutvalet mellom anna elevar i Drammen, Alta, Kautokeino, Rælingen, Mosjøen, Sogndal og på Dønna. Elevane utvalet møtte, var i både grunnskolen og på studie- og yrkesførebuande program i vidaregåande opplæring. Utvalet snakka med både representantar for elevrådet, heile klassar eller grupper og meir tilfeldig utvalde elevar.

Når det gjeld enkelte tema, involverte utvalet i tillegg særleg relevante representantar for barn og unge. Mellom anna møtte utvalet brukarorganisasjonen Unge funksjonshemmede fleire gonger under arbeidet med forslag til nye reglar om universell opplæring og individuelt tilrettelagd opplæring. Utvalet møtte også dei samiske vegvisarane 2017–2018.

I samarbeid med Barneombodet hadde utvalet også eit møte med seks ungdommar i Barneombodets ekspertgruppe. Ekspertane valde på førehand ut følgjande tema for møtet med utvalet: elevdemokrati, ordensreglar og forbod mot mobiltelefon, trygg digital kvardag og helsetenester og kvar barn og unge kan få hjelp.

Departementet heldt eit eige høyringsmøte med elevar i forkant av høyringa. I underkant av 30 barn og unge deltok i det digitale høyringsmøtet. Deltakarane fordelte seg slik: to elevar frå kvart fylke, to elevar valde ut av Sametinget, to elevar valde ut av Unge funksjonshemmede og to av Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon og to representantar frå Elevorganisasjonen. Dei fleste deltakarane var i alderen 11 til 15 år. Elevane hadde førebudd seg godt og delte meiningsane sine om skolekvardagen og godt læringsmiljø, skoledemokrati og elevmedverknad og gode lærarar og erfaringar med vikarar. I tillegg fekk elevane komme med synspunkt på eit valfritt tema som dei meinte var viktig for å lage ei best mogleg opplæringslov.

Innspela i møtet viste mellom anna at elevane føretrekkjer ulike arbeidsmåtar i skolen, at dei fleste ønskjer å medverke i å velje arbeidsform og samarbeidspartnarar, og at dei er avhengige av variasjon i undervisninga. Å få vere med på å medverke og bestemme både fagleg og sosialt vart

trekt fram som viktig både for god læring og trivsel. Fleire av elevane snakka om at det er viktig å få seie meininga si om fleire ting på skolane enn dei får i dag, men at det ofte bør vere opp til læraren å bestemme ved å vurdere alle innspela. Det var semje om at den faglege kompetansen til lærarane og vikarane er viktig. Samtidig er det vel så viktig at lærarar har evna til å sjå den enkelte eleven og har kunnskap om sosiale relasjonar, å leie ein klasse og å skape eit trygt og godt læringsmiljø. Kor godt vikaren kjenner til klassen, lærerstoffet og arbeidsmåtar, vart trekt fram som viktig for å få godt utbytte av timane med vikar. Fleire elevar var også opptekne av psykisk helse og tilgangen på helsesjukepleiarar, digital undervisning under utbrotet av covid-19 og god tilpassing av opplæringa til kvar enkelt elev. Departementet har teke med fleire konkrete innspel frå møtet med elevane i arbeidet med den nye lova.

#### *Møter med andre aktørar*

I arbeidet med NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov* gjennomførte opplæringslovutvalet over 50 innspelsmøte med inviterte organisasjoner, fagmiljø, enkeltpersonar og andre som ønskte å gi innspel. Til sjølve utgreiinga og forslaget frå utvalet kom det inn over 700 høyringsfråsegner.

Departementet hadde også ei rekke høyringsmøte hausten og vinteren 2020 med sentrale aktørar i utdanningssektoren om utvalde tema. Formålet med høyringsmøta var å sikre ein open prosess og eit godt avgjerdsgrunnlag for forslaget til ny opplæringslov.

Departementet har gjennomført digitale høyringsmøte om følgjande tema:

- Krav om forvarleg opplæring
- Skoledemokrati og brukarmedverknad
- Universell opplæring og individuell tilrettelegging
- Sakkunnige vurderingar og mandata og oppgåvane til den pedagogisk-psykologiske tenesta (PP-tenesta)
- Klagerett og klageinstans
- Kompetansekrav, fagleg ansvar for opplæringa og vikarordning
- Grunnskoleopplæring i heimen
- Skadeførebygging

Desse temaa vart valde fordi dei var kontroversielle i høyringa av NOU 2019: 23, eller fordi det var behov for ytterlegare innspel til arbeidet til departementet. Relevante aktørar vart spesielt inviterte, og det var viktig å legge til rette for gode diskusjonar ved ikkje å ha for mange deltakrarar.

Aktørar som var inviterte til eitt eller fleire høyringsmøte, var ADHD Noreg, Barneombodet, Elevorganisasjonen, Forandringsfabrikken, Foreldreutvalet for grunnopplæringa, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, KS, Likestillings- og diskrimineringsombodet, Norsk forbund for Utviklingshemmede, Norsk hjemmeundervisningsforbund, Norsk Lektorlag, Norsk Psykologforening, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner, Skolelederforbundet, Samfunnsviterne, Skolenes landsforbund, Unge funksjonshemmede, Utdanningsforbundet og utvalde statsforvaltarar, kommunar og skolar.

Høyringsmøta har vore nyttige for departementet. Det kom inn mange gode innspel og forslag som departementet har brukt vidare i arbeidet med forslaget til ny opplæringslov. Innspel frå høyringsmøta inngår i kunnspapsgrunnlag til departementet og vurderingar i enkelte punkt i proposisjonen.

Undervegs i arbeidet har departementet hatt dialog med andre departement, Utdanningsdirektoratet, statsforvaltarane, helseføretak, fylkeskommunar og kommunar. Departementet har også fått innspel om vidaregåande opplæring gjennom besøk og møte i samband med Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*.

Departementet har hatt dialog med Samarbeidsrådet for yrkesopplæring (SRY). Partssamarbeidet i Samarbeidsrådet er forankra i ILO-konvensjon nr. 42 om yrkesrettleiring og yrkesopplæring. Rådet skal gi råd til departementet og ta initiativ for å fremja fag- og yrkesopplæringa, og rådet har gitt innspel til reglane om vidaregåande opplæring, særleg reglane om opplæring i bedrift. Samarbeidsrådet sine høyringsinnspel er på vanleg måte omtalt og drøfta under temakapitla i proposisjonen her.

#### **2.1.3 Konsultasjonar med Sametinget**

Departementet har konsultert med Sametinget om lovforstaget. Departementet og Sametinget har hatt jamlege møte, både før og etter at departementet sende lovforstaget på høyring. Sametinget fekk sendt over utkast til høyringsnotat og utkast til lovforstag for forslag til ny opplæringslov vart sendt på høyring. Departementet og Sametinget har konsultert om lovtekst og proposisjonstekst og har utveksla utkast og forslag til desse.

Konsultasjonane vart avslutta ved politisk konsultasjonsmøte 14. desember 2022. Det vart ikkje oppnådd semje i konsultasjonane og Sametinget har ikkje gitt si tilslutning til ny opplæringslov.

Departementet har endra enkelte lovforslag etter høyringa som følgje av innspel frå Sametinget og høyningsinstansar. Dette gjeld blant anna den generelle informasjonsplikta til skolen (punkt 19), krav om at forskrifter om læreplanar skal gi pålegg om opplæring om den samiske folkegruppa (punkt 11), og faglege råd (punkt 48). Sametinget og departementet har ikkje vorte samde om mellom anna mynde til å fastsetje læreplanar, retten til opplæring på samisk utanfor forvaltningsområdet, rett til opplæring i samisk i eit samiskspråkleg miljø, rett til opplæring i to samiske språk og obligatorisk opplæring i forvalningsområdet for samisk språk. Posisjonane og vurderingane til Sametinget er nærmere omtalte under dei aktuelle punkta, sjá særleg punkt 30 om opplæring i og på dei samiske språka. Sametinget har også komme med innspel til forslag som ikkje var ein del av høyringa til departementet. Desse er ikkje ein del av departementets forslag.

I dag er det store utfordringar med rekruttering av lærarar og anna personale i skole med utdanning i og på samisk, samtidig som det blir utdanna for få og rekrutteringsgrunnlaget til utdanninga er dårlig. Situasjonen i dag, med låg rekruttering og relativt stort fråfall frå samiskundervisninga på alle nivå i utdanningssystemet, er ikkje berekraftig. Sjølv om lovfesting av fleire rettigheter ikkje er det einaste verkemiddelet for å løyse desse utfordringane, ser departementet at det kan vera eit viktig steg. Samtidig må det vere ei føresetnad for ein eventuell lovfesting av fleire rettar at dei i praksis kan oppfyllast, og at kommunane er i stand til å tilby den lovfaste opplæringa. Departementet ønskjer å greie ut kva praktiske forutsetningar som må vere på plass for at dei ulike krava Sametinget peiker på, kan oppfyllast. Betre kunnskap om dette vil vere viktig for framtidige vurderingar av om det bør setjast i gang nytt regelverksarbeid. Departementet vil ha dialog med Sametinget om kva forutsetningar som må vere på plass for at eventuelle nye rettighetar kan lovfestes i opplæringslova.

#### 2.1.4 Lovmedverknad med KS

Departementet har hatt dialog med KS for å få klargjort konsekvensar av lovforslaget for komunesektoren, i form av ein lovmedverknadsprosess.

Det er halde ei rekke møte der dei sakene KS har ønskt å setje på dagsordenen, har vorte belyste og drøfta. I samband med møta overleverte KS fleire skriftlege innspel. KS meiner at nye og utvida pliktreglar, i kombinasjon med vida-

reføring av regler om internkontroll og tilsyn, ikkje bygger tillit til lokaldemokratiet og tilsette i skolen. Ytterlegare rettsleggjering fratar også eit lokalt politisk og fagleg ansvar og medfører auka tidstjuvar og dokumentasjonskrav i skolen. KS kan ikkje sjá at prinsippa i kommunelova § 2-2 tilseier ei slik ny lovregulering. KS har av den grunn bedt regjeringa om å vidareføre reglane om tilpassa opplæring, ikkje innføre eit forsvarleg-krav, og generelt anbefalt reduksjon i antal pliktreglar.

Når det gjeld handhevingsordninga i skolemiljøsaker, så har KS foreslått at statsforvaltaren kan oppheve kommunens vedtak, men ikkje fastsette nytt vedtak. KS erfarer at dagens regel i mange tilfelle har den verknaden at han skaper mistillit til at kommunen og dei tilsette ikkje ønsker eller klarer å finne løysningar. KS erfarer at dagens handhevingsregel i mange tilfelle verkar mot si hensikt.

KS har vidare framheva at reglane i lova må rettast mot kommunen som ansvarssubjekt. Dette for at også for elevar og føresette gjennom å lese lova skal sjá kven som er skoleansvarleg. KS har vidare vist til norsk lovgivingstradisjon. KS viste fram forhold som må takast i betraktning ved berekninga av dei økonomiske og administrative konsekvensane av lovforslaget i stort og av dei einskilde forslaga, særleg knytte til fullførings- og kvalifiseringsreforma.

Høyningsinnspeila frå KS er på vanleg måte omtalte og drøfta under temakapitla i denne proposisjonen.

## 2.2 Ei opplæringslov for framtida

Ei ny og oppdatert opplæringslov vil vere meir tilgjengeleg og betre tilpassa noverande og framtidige samfunn og kvardagar i opplæringssektoren i Noreg. Den nye lova har eit lettare tilgjengeleg språk og er dermed meir brukarvennleg. Dette er viktig for at den enkelte skal kunne vite kva reglar som gjeld, og kva rettar ein har, og bidreg til styrkt rettstryggleik.

Dei siste tiåra har elevgrunnlaget i norsk skole endra seg med fleire minoritetsspråklege elevar og større sosiale forskjellar. Auka mangfald stiller krav til at skolen greier å stimulere til gode relasjonar i inkluderande fellesskap.

Det er viktig for fellesskapet at barn og unge med ulik bakgrunn lærer saman i skolen. Felles-skolen skal romme mangfaldet av elevar. Barn og unge med behov for særskild tilrettelegging skal bli fanga opp tidsnok, slik at dei kan få den hjelpe

og støtta dei treng. Tidleg innsats gir alle likare moglegheiter i opplæringa og utdanningsløpet og bidreg til å redusere forskjellane i samfunnet.

Barn og unge kan av ulike grunnar ha behov for ekstra støtte og oppfølging i kortare eller lengre periodar. Det kan vere barn og unge som har problem på grunn av dårleg fysisk eller psykisk helse, lærevanskar eller språkutfordringar. Barn og unge kan ha ein vanskeleg livssituasjon på grunn av utfordringar i familien som fattigdom, vanskkelag bosituasjon, helseproblem, rus, vald eller omsorgssvikt. Nokre barn og unge har erfaringar frå krig eller frå tid på flukt. Ofte opptrer desse utfordringane saman, og dei kan ikkje løystast kvar for seg. Dette krever ekstra tilrettelegging og tidleg samordna innsats frå ulike sektorar, forvaltningsnivå, tenester og profesjonar.

Regjeringa vil byggje vidare på arbeidet som er igangsatt. I august 2022 blei det iverksett nye reglar om samarbeid mellom velferdstenester på kommunalt, fylkeskommunalt og statleg nivå, og ei plikt for kommunen til å samordne tenestetilbodet til det enkelte barn. I proposisjonen er desse samarbeidsreglane foreslått vidareførde. Samarbeid er også viktig i samband med overgangar i utdanningsløpet. Det blir derfor foreslått å vidareføre reglane om ein trygg og god overgang frå barnehagen til grunnskolen. I tillegg blir det foreslått å innføre ei plikt for fylkeskommunen til å sørge for at elevane får ein trygg og god overgang frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa. Det blir også foreslått å innføre ei plikt for fylkeskommunane til å ha eit opplæringstilbod i overgangen til vidaregåande opplæring for elevar som manglar faglege føresetnader eller språklege føresetnader for å kunne delta i og bestå vidaregåande opplæring. Vidare blir det foreslått å lovfeste ei plikt for kommunen og fylkeskommunen til å følgje opp elevar som har fråvær frå opplæringa.

Den pedagogisk-psykologiske tenesta er ein viktig del av laget rundt eleven og ho samarbeider med mange tenester og profesjonar. I denne proposisjonen blir det foreslått å presisere at den pedagogisk-psykologiske tenesta skal støtte og rettleie skolane i arbeidet deira med førebygging og tidleg innsats.

Departementet ønskjer å styrke breidda i den offentlege fellesskolen for å sikre at han er så variert og god at det er mogleg for alle elevar å finne seg til rette. Det er starta eit arbeid med sikte på å etablere ei ordning med frikommuneforsøk etter forsøkslova. Kommunar og fylkeskommunar vil bli inviterte til å søkje om deltaking i forsøk på utvalde lovområde, og opplæring er eit av dei aktuelle lovområda for ordninga.

Skolen har både eit danningsoppdrag og eit utdanningsoppdrag. På skolen skal elevane utvikle kunnskap og ferdigheter dei treng for å kunne leve eit godt liv, få utdanning og delta i arbeidsliv og samfunnsliv. Skolen skal også bidra til å utvikle menneske som tenker kritisk og forstår seg sjølv og samfunnet rundt. Kvar enkelt skal få utvikle evnene sine, oppleve vennskap og fellesskap og moglegheita til medverknad. Dei skal også lære å takle usemje og motstand. I denne proposisjonen blir det foreslått å lovfeste at elevar har rett til medverknad i alt som gjeld dei sjølv etter opplæringslova. I tillegg blir det lovfesta at elevane skal ha rett til å ytre meiningsane sine fritt og bli hørt.

Det blir også foreslått å lovfeste at skolen skal legge til rette for at alle elevane skal kunne ytre seg, at skolen skal oppmuntre dei til å delta i skoledemokratiet, og at skolen skal hjelpe elevane i arbeidet med skoledemokratiet.

Det blir foreslått å lovfeste prinsippet om det beste for barnet i ein eigen paragraf om det beste for eleven. Denne regelen vil omfatte fleire enn Grunnlova og barnekonvensjonen, ved at dette skal gjelde for alle elevar, også elevar som har fylt 18 år.

Det er ei utfordring at det oppstår situasjonar der tilsette i skolen må bruke fysisk makt mot elevar, og at dei rettslege rammene for dette er uklare. Det er behov for å regulere i opplæringslova når tilsette kan gripe fysisk inn mot elevar, og vilkåra for dette. Ei slik regulering vil gi eit klart heimelsgrunnlag og auke rettstryggleiken for lærarar og elevar. Vidare kan det i endå større grad bidra til at skolen set i gang eit systematisk og førebyggjande arbeid, og til at fleire tilsette får kompetanse og auka tryggleik. Departementet vil sende ut forslag om regulering av dette på høyring våren 2023.

Ramma og grunnlaget for reglane om bortvising vil også i det vidare vurderast. Bortvising har vore eit verkemiddel i skolen i mange år, men det er behov for å sjå nærare på bruken av dette verkemiddlet og vurdere om det bør gjerast endringar i reglane.

Det viktigaste for læringa, meistringa og trivselen til barna og dei unge er at dei møter kvalifiserte lærarar som har tid til å sjå den enkelte eleven. Tillitsreforma skal mellom anna gi innbyggjarane betre velferd og betre tenester gjennom å la dei tilsette få større moglegheit til å bruke profesjonen sin til å utøve oppgåvene. Kompetansen som finst i utdanningssektoren, er eit viktig grunnlag for tillitsbasert leiing og mindre detaljstyring.

Departementet har satt i gang eit arbeid med å vurdere om det bør gjerast endringar i reglane for tilsetjing i lærarstilling i skolen. Departementet vil vurdere om reglane bør gjerast meir tydelege eller justerast, i tillegg til å vurdere om det bør gjerast endringar i kva reglar som står i høvesvis lov og forskrift. I denne prosessen har departementet dialog med partane. Om nødvendig vil det bli sendt forslag til endringar på høyring.

Lokal kvalitetsutvikling er eit viktig verkemiddel for å nå måla med grunnopplæringa og for at tilbodet til barn og unge skal bli best mogleg. I proposisjonen blir det derfor foreslått å lovfeste at kommunen og fylkeskommunen skal arbeide for å halde ved lag og heve kvaliteten i grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa. Det blir vidare foreslått å lovfeste eit krav om skolefagleg kompetanse i kommune- og fylkeskommuneadministrasjonen. Dette skal sikre at har administrasjonen har kompetanse i skolespørsmål og legge til rette for lokalt kvalitetsarbeid.

Det er viktig å bidra til betre leseferdigheiter og at fleire barn og unge meistrar lange tekstar og les fleire bøker. Proposisjonen følgjer opp Hurdalsplattforma og vidarefører reglar om at alle elevar skal ha tilgang til skolebibliotek.

Det skal gjennomførast eit krafttak for samisk språk og opplæringa i samisk. I denne proposisjonen blir det foreslått, i tillegg til å vidareføre retten til opplæring i og på samisk i grunnskolen og retten til opplæring i samisk i vidaregående opplæring, å innføre ein rett til opplæring i samisk i vidaregåande opplæring for ikkje-samiske elevar som har hatt opplæring i eller i og på samisk i grunnskolen. Det blir også foreslått å lovfeste at kommunen og fylkeskommunen skal gi eleven tilbod om opplæring i eit samiskspråkleg miljø dersom fjernundervisning aleine gjer at opplæringa ikkje blir pedagogisk forsvarleg. Forsлага i proposisjonen her må sjåast i samanheng med andre tiltak og innsatsar som regjeringa har lagt fram, til dømes Meld. St. 13 (2022–2023) Samisk språk, kultur og samfunnsliv – Kompetanse og rekruttering i barnehage, grunnopplæring og høyere utdanning.

Skoleturar er viktig for elevar og er ofte eit høgdepunkt i opplæringsløpet. I samsvar med

Hurdalsplattforma blir derfor kravet til skoletur med overnatting vidareført.

Det er positivt at ein stadig større del fullfører vidaregåande opplæring, og at det aldri har vore færre utan eller utanfor vidaregåande opplæring. Regjeringa vil at endå fleire skal fullføre og få ei reell kvalifisering for arbeid, læreplass og vidare utdanning.

Norsk arbeids- og samfunnsliv treng fleire fagarbeidarar for å byggje den moderne velferdsstaaten og ein industri i verdstoppen. Det er i dag for mange som ikkje får læreplass, og for få gjennomfører med fag- eller sveinebrev. Tiltak for at fleire skal bli kvalifiserte til læreplass, arbeid og vidare utdanning, er viktig for at fleire skal delta i arbeidslivet, og for å redusere sosiale forskjellar. I denne proposisjonen blir det foreslått ein fullføringsrett og ein yrkesfagleg rekvalifiseringsrett. Fullføringsretten gir rett til ikkje berre tre års opplæring, men opplæring til ein fullfører, og vil vere ei sentral utviding av retten. Det vil gi fleire høve til å kvalifisera seg for ein billett inn i arbeidslivet vårt. Det gjeld både ungdom og vaksne. Det er samfunnsøkonomisk lønnsamt at fleire fullfører vidaregåande opplæring og blir kvalifiserte for arbeid eller studium, sjølv om det for nokon kan ta fleire år.

Også rekvalifiseringsretten – som vil gi rett til å ta eit nytt fagbrev, sjølv om du har eitt frå før eller har fullført studieførebuande – vil gi fleire moglegheiter både for den enkelte og for arbeidslivet.

I proposisjonen blir det foreslått å innføre ei plikt for fylkeskommunane til å sørge for at dei som har læretid i bedrift, får tilgang til rådgiving om utdannings- og yrkesval og rådgiving om sosiale og personlege forhold.

I tillegg blir det foreslått å utvide målgruppa til oppfølgingstenesta slik at personar er omfatta av tilboda til tenesta fram til utgangen av det året dei fyller 24 år.

Ei endra privatskolelov avgrensar høvet til å få godkjent private skolar i tråd med det som er fastsett i Hurdalsplattforma. I denne proposisjonen blir det vurdert kva reglar i opplæringslova som skal gjelde for privatskolane.

## 3 Høyringa

### 3.1 Høyring av forslag til ny opplæringslov

Forslag til ny opplæringslov og endringar i friskolelova (no privatskolelova) vart sendt på høyring 26. august 2021. Fristen for å komme med innspel var 20. desember 2021. Forslaget blei sendt på høyring til følgande instansar:

Departementa

Barneombodet

Barne-, ungdoms- og familiendirektoratet (Bufdir)

Datatilsynet

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir)

Folkehelseinstituttet

Forbrukarombodet

Forbrukarrådet

Foreldreutvalet for barnehagar (FUB)

Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG)

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

Likestillings- og diskrimineringsombodet

Lånekassen

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga – NOKUT

Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring (NAFO)

Noregs forskingsråd

Politidirektoratet

Politiets enhet for vandelskontroll og politiattester

Regelrådet

Sentralleiinga for fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker

Språkrådet

SSB

Statsforvaltarane

Statped

Sysselmeisteren på Svalbard

Utdanningsdirektoratet

Utlendingsdirektoratet

Noregs institusjon for menneskerettar

Riksrevisjonen

Sametinget

Sivilombodet

Fylkeskommunane

Kommunane

Longyearbyen lokalstyre

Høgskolane

Universiteta

Kristne Friskolers Forbund

Abelia – Forum for friskoler

Montessori Norge

Steinerskoleforbundet

Norske fag og Friskolers Landsforbund

Virke

Private grunnskolar godkjent etter opplæringslova § 2-12

Samisk vidaregående skole og reindriftsskole, Kautokeino

Samisk vidaregående skole, Karasjok

Abelia - Forum for Friskoler

Afasiforbundet

Akademikerne

Antirasistisk senter

Arbeidsgiverforeningen Spekter

Barnevakten

Blindeforbundet

Blå Kors

Dysleksi Norge

Elevorganisasjonen

Elev- og lærlingomoda

Fafo Institutt for arbeidslivs- og velferdsforskning

Fagforbundet

Fagskolerådet

Fellesorganisasjonen

Forandringsfabrikken

Foreldrenettverk MOT Mobbing

Foreningen Mobbing i Skolen

Forskerforbundet

Forening for kjønns- og seksualitetsmangfold (FRI)

Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon

Handikappede Barns Foreldreforening

Hørselshemmde barns organisasjon

Hørselshemmedes Landsforbund

Human-Etisk Forbund

Innvandrernes Landsforbund

Institutt for samfunnsforskning

ISAAC	Unio
Kristent Pedagogisk Forum	Universitets- og høgskolerådet
Kristne Friskolers Forbund	Utdanningsforbundet
KS	Virke
Kulturskolerådet	Voksenopplæringsforbundet
Landsforeningen for barnevernsbarn	YS
Landslaget for nærmiljøskolen	Departementet har fått høringsfråsegner fra
Landsorganisasjonen i Norge – LO	Helse- og omsorgsdepartementet
Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner	Arbeids- og velferdsdirektoratet
Lykkelige barn	Barneombodet
Lærernes Yrkessforbund	Barne-, ungdoms- og familiendirektoratet
Læringsmiljøsenteret	Datatilsynet
Mental Helse Ungdom	Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir)
MOT	Forbrukartilsynet
Nasjonalt utviklingssenter for barn og unge	Integrerings- og mangfaldsdirektoratet
Næringslivets Hovedorganisasjon – NHO	Likestillings- og diskrimineringsombodet
Nordisk institutt for studium av innovasjon, forsking og utdanning	Nasjonalt fagorgan i norsk som andrespråk
Norges Døveforbund	Nasjonalt kompetanseteneste for sjeldne diagnosar
Norges Handikapforbund	Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga – NOKUT
Norges Kvinne- og familieforbund	Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring
Norsk Sykepleierforbund	Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning
Norsk Forbund for Utviklingshemmede	Nasjonalt senter for læringsmiljø og åfferdsforskning, Universitetet i Stavanger
Norsk Foreldrelag for Funksjonshemmede	Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa
Norsk Fosterhjemsforsking	Politisidirektoratet
Norsk institutt for forsking om oppvekst, velferd og aldring – NOVA	Språkrådet
Norsk Kulturskoleråd	Statistisk sentralbyrå
Norsk Leirskoleforening	Statped
Norsk Lektorlag	Statsforvaltaren i Rogaland
Norske fag- og Friskolers Landsforbund	Statsforvaltaren i Vestland
Norske Kveners Forbund	Statsforvaltaren i Agder
Norske Samers Riksforbund	Statsforvaltaren i Innlandet
Odin Stiftelsen	Statsforvaltaren i Nordland
Organisasjonen mot offentlig diskriminering	Statsforvaltaren i Oslo og Viken
Redd Barna	Statsforvaltaren i Troms og Finnmark
Riksmålsforbundet	Statsforvaltaren i Trøndelag
Røde Kors	Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
Rådet for psykisk helse	Utlendingsdirektoratet
Rådgiverforum Norge	Unit – Direktoratet for IKT og fellesenester i høgare utdanning og forskning
Samarbeidsforumet av organisasjonene til funksjonshemmede	Utdanningsdirektoratet
Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter	Noregs institusjon for menneskerettar
Sex og politikk	Sametinget
Skeiv Ungdom	Sivilombodet
Skolelederforbundet	Agder fylkeskommune
Skolenes landsforbund	Fylkeskommunale ombod for barn og unge i Troms og Finnmark, Trøndelag, Møre og Romsdal, Vestland, Rogaland og Viken og
Steinerskoleforbundet	
Foreldreforbundet til steinerskolene	
Taterene/Romanifolkets Menneskerettighetsforening	
Unge funksjonshemmede	
UNICEF Norge	

mobbeomboda i Nordland, Innlandet, Vestfold og Telemark	Molde kommune
Helse Fonna	Moss kommune
Innlandet fylkeskommune	Moss Voksenopplæring
Møre og Romsdal fylkeskommune	Nannestad kommune
Nordland fylkeskommune	Narvik kommune
Oppvekstombudet i Agder	Nissedal kommune
Rogaland fylkeskommune	Nittedal kommune
Troms og Finnmark fylkeskommune	Nord-Aurdal kommune
Trøndelag fylkeskommune	Nore og Uvdal kommune
Ungdommens fylkesråd i Viken	Oppveksttjenesten, Kongsberg kommune
Ungdomspanelet i Møre og Romsdal	Oslo kommune
Vestfold og Telemark fylkeskommune	Porsgrunn kommune, Kommunalområde for oppvekst
Vestland fylkeskommune	PP-tjenesten Larvik Kommune
Viken fylkeskommune	PPD for Midt-Finnmark IKS
Alta kommune, oppvekstadministrasjonen	PPT for videregående opplæring, Viken fylkeskommune
Alver kommune	Randaberg kommune
Asker kommune	Ringebu kommune
Askøy kommune	Ringsaker kommune
Aukra kommune	Røros kommune
Aurskog-Høland kommune	Rådet for kjønns- og seksualitetsmangfold i Oslo Kommune
Bergen kommune, byrådsavdeling for barnehage, skole og idrett	Rådet for mennesker med funksjonsnedsettelse i Øvre Eiker kommune
Bodø kommune	Rådgivernettverket i Ringerike kommune
Bærum kommune	Samnanger kommune
Bømlo kommune	Sandefjord kommune
Dovre kommune	Sandnes kommune
Drammen kommune	Sarpsborg kommune
Færder kommune	Senja kommune
Elverum kommune	Skien kommune
Evje og Hornnes kommune	Sogndal kommune
Fredrikstad kommune	Sola kommune
Gjøvik kommune	Stavanger kommune
Gol kommune	Stjørdal voksenopplæring v/Integreringsenheten
Halden kommune	Stord kommune
Herøy kommune	Stranda kommune
Horten kommune	Suldal kommune
Hustadvika kommune	Time kommune
Indre Fosen kommune	Tolga kommune
Interkommunalt PPT for Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta	Tromsø kommune
Introduksjonssenter Nord, Asker voksenopplæring	Trondheim kommune
Klepp kommune	Trondheim voksenopplæringssenter avdeling for spesialundervisning
Kristiansand kommune	Tysnes kommune
Kåfjord kommune	Ullensaker kommune
Larvik kommune	Vanylven kommune
Levanger kommune	Vanylven kommune, ved rektormøtet med Utdanningsforbundet
Lillehammer kommune	Våler kommune
Lunner kommune	Ørsta kommune
Luster kommune	Øyer kommune
Lærdal kommune	Øygarden kommune
Lørenskog kommune	Ål kommune
Midt – Telemark kommune	

Ål kommune	Arbeidsutvalget for Opplæringskontorene i Nordland
Ålesund kommune	Arna Mållag, Bergen Mållag og Fana Mållag
Borgund videregående skole, avdeling for tilrettelagt opplæring	Autismeforeningen i Norge
Bybroen videregående skole	Affallsservice AS
Deanu sámeskuvla	Bibelselskapet
Den tysk-norske skolen i Oslo	Bibliotekarforbundet
Elverum vidaregående skole	Bilskadesenteret Tromsø
Forskningsgruppa i utdanningsrett, Universitetet i Agder	Blå Kors
Gjennestad videregående skole	Bokmålsforbundet
Haukåsen skole	Byggenærings Landsforening
Høgskolen i Innlandet, Fakultet for lærarutdanning og pedagogikk	Byggmesterforbundet
Høgskulen i Volda	Byggmesterforbundet Region Vest
Høgskulen på Vestlandet, Norskfaggruppene	Bygningsgruppen Bergen
Høgskulen på Vestlandet, avdeling Stord, Bergen og Sogndal, PPUY-yrkesfag	Bærum Mållag
Hosletoppen skole, Bærum kommune	CP-foreningen
Institutt for spesialpedagogikk ved Universitetet i Oslo	Creo – forbundet for kunst og kultur
Jessheim videregående skole	DB Schenker Tromsø
Karasjok skole	Det Norske Akademi for Språk og Litteratur
Knut Hamsun joarkkaskåvllå/videregående skole	Drammen kommunale foreldreutvalg
Lørenskog videregående skole	Dysleksi Norge
NLA Høgskolen	EL og IT Forbundet
Nord universitet	Elektrofagenes Arbeidsutvalg
Sámi allaskuvla	Elevorganisasjonen
Sámi allaskuvla, Sámi lohkanguovddáš – Sáme láhkåmguovdásj – Saemien lohkemejarnge – Nasjonalt senter for samisk i opplæringa	El-faggenes Opplæringskontor Buskerud
Sámi joatkkaskuvla Kárášjogas – Samisk videregeande skole, Karasjok	Entreprenørforeininga – Bygg og Anlegg
Samisk videregeande skole og reindriftsskole	Evjetun leirskole
Spesialpedagogisk faggruppe, institutt for pedagogikk, Universitetet i Sørøst-Norge	Fagfolk for leksfri skole
Sørsamisk Kunnskapspark	Fagforbundet Barn og Oppvekst, Oslo
Universitetet i Agder	Fagforbundet Frisørenes Fagforening
Universitetet i Bergen	Fagforbundet Vestfold og Telemark
Universitetet i Bergen, LLE, faggruppa i norsk som andrespråk	Faglig råd for bygg- og anleggsteknikk
Universitetet i Sørøst-Norge, Fakultet for Humaniora, idrett og utdanningsvitenskap, Institutt for friluftsliv, idrett og kroppsøving, avdelingen for fruftsliv	Faglig råd for elektro og data teknologi
Vadsø videregående skole	Faglig råd for informasjonsteknologi og medieproduksjon
Abelia – Forum for Friskoler	Faglig råd for naturbruk
Adopsjonsforum	Faglig råd for restaurant- og matfag
Akademikerne	Faglig råd for teknologi- og industrifag
Alversund Mållag og Meland Mållag	Faglig råd handverk, design og produktutvikling
Antirasistisk Senter	Faglig råd handverk, design og produktutvikling
AOF Opplæringskontor	Fagopplæring i Fjellregionen
Arbeidsgiverforeningen Spekter	Fellesorganisasjon FO
	Fellessekretariatet for opplæringskontor og ringer i bilfag
	Fleirfaglege opplæringskontor i Vestland fylke
	Fleksibel utdanning Norge
	FLIS – Forum for ledere i institusjonsskoler
	Forandringsfabrikken Kunnskapssenter
	Foreldre til blinde barn
	Foreldrenettverk mot mobbing
	Foreldreutvalet for barnehagar
	Foreldreutvalet for grunnopplæringa
	Foreningen for medfødt og ervervet barneafasi
	Foreningen for opplæringskontorene i salg og service

Foreningen Yrkeslabyrinten	Målarfirma Monsen AS
Forleggerforeininga	Malermester Christensen & Heimdal AS
FORM – Foreningen for opplæringskontorene i restaurant- og matfag.	Maritim Opplæring Sørvest
Forskningsmiljø om lekser	Maritim Opplæring Sørøst
Forum For Yrkessfag i Møre og Romsdal	Marthinsen Bil & Lakk AS
Freno AS	Maskinentreprenørenes Forbund
Friluftsrådenes Landsforbund	Mensa Norge
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon	Midtnorsk Opplæring AS
Fylkesmållaga i Møre og Romsdal	Montessori Norge
Fylkesmållaget Vikværingen	Morbus Addison Foreningen
Glass og Fasadeforeningen	MuskenSenter
Hadeland dialekt- og mållag	Nelfo
Handikapede barns foreldreforening	NEST (Nasjonalt nettverk for skolefravær og tilstedeværelse)
Harila AS	Nettverk for barn og opplæring, Opplysningsstjenesten for hjemmeundervisning
Hjelmeland Mållag	Nettverk for kommunal voksenopplæring i Møre og Romsdal
Hjelp meg stoppe volden	Nettverk for opplæringskontor i Gudbrandsdalen
HLF (Hørselhemmedes Landsforbund)	NetSam – Nettverk for samisk opplæring
Hordaland Mållag	Nettverksrådgivere, Karriere Buskerud, Viken
Hovedorganisasjonen Virke	NHO
HSO-Haugaland og Sunnhordland	NHO Sjøfart
Opplæringskontor for Elektrofag	NIFA – Norsk Industri Fagopplæring
Human-etisk forbund	NOOS – Nettverk for fagopplæring i offentlig sektor
Humanistisk Ungdom	Nordland Venstre
Hørselhemmedes barns organisasjon	Nordreisa kvensk-finsk forening
Høyres samepolitiske arbeidsutvalg	Nord-Varanger kvenforening – Varenkin kveeniseura
IKO – Kirkelig pedagogisk senter	Noregs lærarmållag
IKVO- Interesseorganisasjonen for kommunal voksenopplæring	Noregs Mållag
Indre Nordmøre Opplæringskontor	Norges Blindeforbund
ISAAC Norge	Norges Døveforbund
ISOK AS (Indre Salten Opplæringskontor)	Norges Handikapforbunds Ungdom
Juristforbundet	Norges Kristne Råd
Jæren Mållag	Norges ME-forening
KARRI	Norsk Bibliotekforening
Kirkerådet	Norsk bibliotekforening spesialgruppe for skole
KomOpp	Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening
Kristne Friskolers forbund	Norsk Forbund for Utviklingshemmede
KS	Norsk Forening for Musikkterapi
KS Troms og Finnmark	Norsk Friluftsliv
Kvam herad	Norsk hjemmeundervisningsforbund
Kvam Mållag	Norsk kulturskoleråd
Kvensk Finsk Riksforbund	Norsk Leirskoleforening
Kystrederiene	Norsk Lektorlag
Landslaget for nærmiljøskolen	Norsk Målungdom
Landssamanslutninga av nynorskkommunar	Norsk psykologforening
Lars Holmaas AS Malerforretning	Norsk Tourette Forening
Lier kulturskole	Norske fag- og Friskolers Landsforbund
LO	Norske kveners forbund – Ruijan kvääniliiitto
Lykkelige barn	Norske Samers Riksforbund
Lærerprofesjonens etiske råd	Nynorsk forum
Lærlingekontoret i Salten	
Lærlingsenteret Innlandet	
Løvemammaene	
Løvstadskolen	

Odinstiftelsen	Rørentreprenørene Norge – Vest SA
OK FBIE i Viken	Rørentreprenørene Norge – Vestfold
Ok Verkstedtekniske- og Matfag	Rørentreprenørene Norge avd. Buskerud
OKBT i Nord	Rørentreprenørene Norge Oslo & omland
OKEL Bergen og Omegn	Rørleggerbedriftenes Opplæringskontor Møre og Romsdal
OKSU-opplæringskontora sitt samarbeidsutval i Vestland	Rådgiverforum Norge
OKViken Opplæringskontor for offentlig sektor	Sálas
Opplæringskontor rørfag Innlandet	Samarbeidsforumet av Funksjonshemmedes Organisasjoner
Opplæringskontorene i Frisørfag	Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn
Opplæringskontorene i Vestfold og Telemark	Samarbeidsrådet for yrkesopplæring (SRY)
Opplæringskontorenes Landsforening	Samfunnsbedriftene
Opplæringskontoret for elektrofag i Sogn og Fjordane	Samfunnsviterne
Opplæringskontoret for Estetiske fag	Sandefjord og Sandar Mållag
Opplæringskontoret for fiskerifag i midtre Nordland	Sandnes Mållag
Opplæringskontoret for fiskerifagene i Hordaland	Sektor oppvekst
Opplæringskontoret for frisører i Agder	Sentralt ungdomsråd i Oslo
Opplæringskontoret for mat og servicefag Agder	SEOS Elektrofagenes Opplæringskontor
Opplæringskontoret for offentleg sektor i Sogn og Fjordane SA	Sett Sjøbein
Opplæringskontoret for teknologifag på Haugalandet SA	Signo skole- og kompetansesenter
Opplæringskontoret for tømrerfaget	Skeiv Ungdom
Opplæringskontoret Frisør- og velværefag i Møre og Romsdal	Skeivt kristent nettverk
Opplæringskontoret i Meløy	Skolebibliotekarforeningen i Norge
Opplæringskontoret i Vesterålen	Skolelederforbundet
Opplæringskontoret Innlandet	Skolelostjenesten
Opplæringskontoret Midt-Helgeland	Skolenes landsforbund
Opplæringskontoret Nord-Helgeland	SOTIN – Samarbeidsorganet for opplæringskontor innen transport og logistikk i Norge
Organisasjonen Voksne for barn	Steinerskoleforbundet i Norge
ORIN – Opplæringskontoret for rørleggerfaget i nord	Foreldreforbundet til steinerskolene
Oslo kommunale foreldreutvalg	Stiftinga Nynorsk kultursentrums, musea for skriftkultur
Oslo og Omegn Samisk Foreldrenettverk	Stine Sofies Stiftelse
OSS & RM	Stjørdal kommunale foreldreutvalg
OTEK Sunnmøre	Stranda mållag
Partner-maskinering AS	TechnipFMC
Pedagogstudentene i Utdanningsforbundet	TESS Vest as
Prematurforeningen	Torghatten Buss AS
Private barnehagers landsforbund	Tradisjonshandverk Opplæringskontor og Kompetansesenter – Mia Museene i Akershus
Prøvenemnda i automasjonsfaget på Sunnmøre.	Transportbransjens Opplæringskontor for Møre og Romsdal SA
PSW Power & Automation AS	Troms og Finnmark mållag
Aksjon skolebibliotek	Tromsø Billakkering as
R Edvardsen Transport AS	Trygg Trafikk
Redd Barna	Trøndelag kvensk-finsk forening
Riksmålsforbundet	Utdanningsforbundet ved Ås læringscenter
RKK Salten – skoleeiernettvirk	Ulstein mållag
Romano kher	Unge funksjonshemmede
RSA Bil Tromsø	UngOrg
Rødt Vågan	UNICEF Norge
Rørentreprenørene Norge	Utdanningsforbundet
Rørentreprenørene Norge – Rogaland	

Utdanningsforbundet ved Suldal,  
Vaksenopplæring  
Utdanningsforbundet Tysnes  
Utdanningsforbundet ved Samisk vidaregående  
skole og reindriftsskole  
Utdanningsforbundet ved Voksenopplæringen  
Bærum kommune  
Vangen Solutions AS / Evolv AS  
Vassfaret leirskole A/S  
Vennesla dialekt- og mållag  
Videre skolene AS  
Vinje mållag  
Volda mållag  
YS – Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund  
YVIA

I tillegg har departementet fått høringsfråsegner fra 68 privatpersonar og 57 personar som ikkje har oppgitt namnet sitt.

Departementet har fått høringsfråsegner utan merknad frå

Samferdselsdepartementet

Autohuset  
Maleren Bjarnoll as  
Utdanningsforbundet HVL campus Bergen

I tillegg har departementet fått høringsfråsegner utan merknad frå ein privatperson og seks personar som ikkje har oppgitt namnet sitt.

Synspunkta til høringsinstansane frå høyringa er gjort greie for i tilknyting til omtalen av dei ulike forslaga. For utsegnene frå høringsinstansane i sin heilskap, viser departementet til at alle høringsfråsegnene er tilgjengelege på nettsidene til regjeringa.

### **3.2 Høyring av forslag om unntak frå kompetansekrav og plikt til å politianmelda dersom det blir levert falske dokumenter ved søknad om godkjenning av utanlandsk fag- og yrkesopplæring**

Forslag om unntak frå kravet om relevant kompetanse i undervisningsfag og om å innføra ei plikt til å politianmelda dersom ein søker har levert falske dokument ved søknad om godkjenning av utanlandsk fag- og yrkesopplæring, vart sendt på høyring 19. april 2022. Fristen for å gi innspel var

19. juli 2022. Forslaget blei sendt på høyring til følgjande instansar:

Departementa

Barneombodet  
Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet  
Datatilsynet  
Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir)  
Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG)  
Lånekassen  
Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring (NAFO)  
Nasjonalt senter for læringsmiljø og åferdsforskning  
Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga - NOKUT  
Noregs forskingsråd  
Politidirektoratet  
Statped  
Sysselmeisteren på Svalbard  
Utdanningsdirektoratet  
Utlendingsdirektoratet

Noregs institusjon for menneskerettar  
Sametinget

Fylkeskommunane  
Kommunane  
Longyearbyen lokalstyre

Abelia - Forum for Friskoler  
Akademikerne  
Arbeidsgiverforeningen Spekter  
Elevorganisasjonen  
Fagforbundet  
Faglege råd for fag- og yrkesopplæringa  
Friskolenes Kontaktforum  
Hovedorganisasjonen Virke  
Integrerings- og mangfaldsdirektoratet  
Interesseorganisasjonen for kommunal voksenopplæring

Kristne Friskolers Forbund  
KS  
Landslaget for nærmiljøskolen  
Landsorganisasjonen i Norge - LO  
Lærernes Yrkesforbund  
Montessori Norge  
Norsk Lektorlag  
Norske fag- og Friskolers Landsforbund  
Næringslivets Hovedorganisasjon - NHO  
Redd Barna  
Samarbeidsrådet for yrkesopplæring  
Samisk vidaregående skole og reindriftsskole, Kautokeino

Samisk vidaregående skole, Karasjok

Skolelederforbundet

Skolenes landsforbund

Steinerskoleforbundet

Unio

Universitets- og høgskolerådet

Utdanningsforbundet

Voksenopplæringsforbundet

Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund

Departementet har fått høringsfråsegner frå

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga – NOKUT

Politidirektoratet

Statped

Nordland fylkeskommune

Rogaland fylkeskommune

Troms og Finnmark fylkeskommune

Vestland fylkeskommune

Viken fylkeskommune

Asker kommune

Aurskog-Høland kommune

Bergen kommune, byrådsavdeling for barnehage,  
skole og idrett

Drammen kommune

Indre Østfold kommune

Oslo kommune, byrådsavdeling for oppvekst og  
utdanning

Skien kommune

Trondheim kommune

Øygarden kommune

Akademikerne

Arbeidsgiverforeningen Spekter

Folkehøgskolerådet

KS

Landsorganisasjonen i Noreg

Norsk Lektorlag

Sentralt ungdomsråd i Oslo

Skoleeieravdelingen i Moss kommune

Skolenes landsforbund

Tekna – Teknisk-naturvitenskapleg forening

Universitets- og høgskolerådet

Utdanningsforbundet

I tillegg har departementet fått høringsfråsegn frå ein privatperson og ein person som ikkje har oppgitt namnet sitt.

Departementet har fått høringsfråsegner utan merknad frå

Forsvarsdepartementet

Justis- og beredskapsdepartementet

Statsforvaltaren i Vestland

Vestfold og Telemark fylkeskommune

Midt-Telemark kommune

Synspunkta til høringsinstansane frå høyringa er gjort greie for i tilknyting til omtalen av dei ulike forslaga. For utsegnene frå høringsinstansane i sin heilskap, viser departementet til at alle høringsfråsegnene er tilgjengelege på nettsidene til regjeringa.

## 4 Regelstyring av grunnopplæringa

### 4.1 Innleiing

Dette punktet gir i punkt 4.2 til 4.4 ei oversikt over reglar som gjeld for eller påverkar opplæringsfeltet. Vidare, i underpunkt 4.5, drøftar departementet kva desse reglane har å seie for utforminga av opplæringslova.

### 4.2 Grunnlova

Grunnlova § 104 gir reglar om barn sine rettar. Barn har krav på respekt for menneskeverdet sitt. Dei har rett til å bli høyrde i spørsmål som gjeld dei sjølve, og meinингa deira skal få vekt i tråd med alderen og utviklinga deira. I handlingar og avgjelder som vedkjem barn, skal det beste for barnet vere eit grunnleggjande omsyn. Vidare har barn rett til vern om den personlege integriteten sin. Styresmaktene skal legge forholda til rette for utviklinga til barnet, irekna sikre at barnet får den nødvendige økonomiske, sosiale og helsemessige tryggleiken, fortrinnsvis i eigen familie.

Grunnlova § 109 gir reglar om rett til utdanning. Alle har rett til utdanning. Barn har rett til å få grunnleggjande opplæring. Opplæringa skal vareta evnene og behova til den enkelte og fremje respekt for demokratiet, rettsstaten og menneskerettane. Styresmaktene til staten skal sikre tilgang til vidaregående opplæring og like mogleigheter til høgare utdanning på grunnlag av kvalifikasjoner. Dei sentrale krava til den grunnleggjande opplæringa som følgjer av internasjonale konvensjonar, er tekne inn i Grunnlova § 109.

Grunnlova § 49 inneheld ein overordna regel om det lokale sjølvstyret. Innbyggjarane har rett til å styre lokale saker gjennom lokale folkevalde organ. Samtidig fastslår han at nærmere reglar om det lokale folkevalde nivået blir fastsette ved lov.

### 4.3 Noregs folkerettslege forpliktingar

#### 4.3.1 FNs verdsfråsegn om menneskerettar

FNs verdsfråsegn om menneskerettar av 1948 artikkel 26 slår fast den grunnleggjande retten til undervisning. Artikkelen lyder:

1. Enhver har rett til undervisning. Undervisningen skal være gratis, i det minste på de elementære og grunnleggende trinn. Elementærundervisning skal være obligatorisk. Alle skal ha adgang til yrkesopplæring, og det skal være lik adgang for alle til høyere undervisning på grunnlag av kvalifikasjoner.
2. Undervisningen skal ta sikte på å utvikle den menneskelige personlighet og styrke respekten for menneskerettighetene og de grunnleggende friheter. Den skal fremme forståelse, toleranse og vennskap mellom alle nasjoner og rasegrupper eller religiøse grupper og skal støtte De forente nasjoners arbeid for å opprettholde fred.
3. Foreldre har fortrinnsrett til å bestemme hva slags undervisning deres barn skal få.

#### 4.3.2 Menneskerettslova

Blant dei internasjonale konvensjonane Noreg har ratifisert, står konvensjonane som er tekne inn i menneskerettslova, i ei særstilling. Menneskerettslova § 3 slår fast at reglar i konvensjonane som er tekne inn i lova, går føre reglar i anna lovgiving dersom det er motstrid. Konvensjonane som er tekne inn i lova, følgjer av § 2. Det er den europeiske menneskerettskonvensjonen, FNs konvensjon om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar, FNs konvensjon om sivile og politiske rettar, FNs konvensjon om rettane til barnet og FNs konvensjon om avskaffing av alle former for diskriminering av kvinner.

Det følgjer av den europeiske menneskerettskonvensjonen protokoll 1 artikkel 2 at ingen skal bli nekta retten til utdanning. Ifølgje artikkelen skal foreldre ha rett til å sikre utdanning for barna

sine i samsvar med si eiga religiøse og filosofiske overtyding.

Tilsvarande følgjer det av FN-konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar artikkel 13 at statane skal respektere retten til undervisning. Ifølgje artikkelen skal grunnskoleundervisninga vere obligatorisk og gratis for alle, og barn og foreldre skal ha moglegheita til å velje opplæring ved andre skolar enn offentlege skolar.

Barnekonvensjonen artikkel 3 slår fast at det beste for barnet er eit grunnleggjande omsyn ved alle handlingar som vedkjem barn, anten handlingane blir gjennomførte av offentlege eller private velferdsorganisasjonar, domstolar, administrative styresmakter eller lovgivande organ. I artikkel 12 og 13 blir det fast slått at barn har rett til å bli høyrde og å bli tekne omsyn til.

Artikkel 28 slår fast at alle barn har rett på skolegang, og at grunnutdanninga skal vere obligatorisk og gratis tilgjengeleg for alle. Artikkel 2 slår fast at ingen barn skal diskriminerast, og det er slått særskilt fast at barn med funksjonsnedsetjingar har same rett til skole og utdanning som alle andre barn, i artikkel 23. Det følgjer av artikkel 30 at barn som tilhører ein minoritet eller eit urfolk, har rett til å bruke sitt eige språk og kultur og praktisere religionen sin.

FNs konvensjon om å avskaffe alle former for diskriminering mot kvinner (kvinnediskrimineringskonvensjonen) skal sikre at kvinner har dei same rettane som menn. Det følgjer av artikkel 10 i konvensjonen at konvensjonspartane skal gjere alle eigna tiltak for å avskaffe diskriminering av kvinner, slik at dei blir sikra dei same rettane som menn når det gjeld utdanning.

### **4.3.3 EØS-avtalen**

EØS-avtalen omfattar EU-landa, Noreg, Island og Liechtenstein. Avtalen gir Noreg og nordmenn dei same rettane og pliktene som andre EØS-land og borgarane deira når det gjeld handel med varer, investeringar, bank og forsikring, kjøp og sal av tenester og rett til å ta arbeid, studere og bu i andre land i EØS-området.

I EØS-avtalen vedlegg V punkt 2 (forordning (EU) nr. 492/2011) artikkel 10 første ledd, jf. EØS-arbeidstakarlova § 1, står det følgjande:

Når ein statsborgar i ein EØS-stat arbeider eller har arbeidd på territoriet til ein annan EØS-stat, skal borna hans/hennar ha tilgang til allmennutdanning og lærling- og yrkesfagleg opplæring på dei same vilkåra som statsborga-

rar i denne staten, dersom borna er busette på territoriet til denne staten.

Etter artikkel 10 andre ledd skal EØS-statane «oppmuntre til alle tiltak som tek sikte på at desse borna skal kunne ta del i undervisninga på best moglege vilkår».

### **4.3.4 Andre internasjonale konvensjonar og erklæringer**

FNs konvensjon om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne artikkel 24 slår fast at staten skal sikre at menneske med nedsett funksjonsevne får tilgang til inkluderande, god og gratis grunnutdanning og vidaregående opplæring i lokalsamfunnet sitt, på lik linje med andre. Det følger også av konvensjonen at statane skal byggje ned funksjonshemmande barrierar i utdanningssystemet og gi elevar som har særlege utfordringer, individuell tilrettelegging og støtte innanfor rammene av det allmenne utdanningssystemet. Den individuelle støtta skal bidra til ei effektiv utdanning og størst mogleg fagleg og sosial utvikling.

Konvensjonen stiller også krav til avgjerdsprosessar i saker som gjeld personar med nedsett funksjonsevne. Det følger mellom anna av artikkel 4 nr. 3 at konvensjonspartane aktivt skal trekke inn og rádføre seg inngåande med menneske med nedsett funksjonsevne, også barn med nedsett funksjonsevne, gjennom dei organisasjonane som representerer dei.

I 1994 i Salamanca i Spania vedtok representantar frå 92 land og 25 internasjonale organisasjoner The Salamanca statement on principles, policy and practice in special needs education, ei prinsipperklæring kalla Salamanca-erklæringa. Det sentrale i dette dokumentet er prinsippet om at alle barn har rett til utdanning, uansett evner og behov. Barn er ulike, og styresmaktene skal derfor ta omsyn til føresetnadene og potensialet til kvart barn. I artikkel 2 til erklæringa blir det peika på at skolar med ei inkluderande orientering er mest effektivt for å få bukt med diskriminerande haldningar og for å realisere utdanning og læring for alle.

FNs rasediskrimineringskonvensjon om avskaffing av alle former for rasediskriminering forbyr diskriminering på grunn av rase, hudfarge, avstamming eller nasjonalt eller etnisk opphav. Det følger av likestillings- og diskrimineringslova § 5 at konvensjonen gjeld som norsk lov. Artikkel 2 bokstav d og e pålegg statane å verne den enkelte mot diskriminering frå private, organisa-

sjonar eller grupper og å fremje aktivitet knytt til integrering. Artikkel 7 forpliktar statane til å gjere effektive tiltak, innan mellom anna undervisning og utdanning, med sikte på å få bukt med fordommar som fører til rasediskriminering. Statane skal også fremje forståing, toleranse og vennskap mellom nasjonar og grupper med ein bestemt rasemessig eller etnisk tilhørsel.

ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar gir samane rettar som urfolk. Det er fleire reglar i konvensjonen som er relevante for grunnopplæringa: Artikkel 21 til 23 omhandlar rettar til yrkesopplæring, og artikkel 26 til 31 omhandlar rettane til allmenn opplæring. I tillegg har konvensjonen reglar om retten urfolk har til sjølve å bestemme over den kulturelle utviklinga si, til å lære å bruke eige språk, til å opprette eigne institusjonar og til å representer seg sjølve overfor offentlege styresmakter.

ILO-konvensjonen nr. 142 om yrkesrettleiing og yrkesopplæring artikkel 3 forpliktar medlemsstatane til å gradvis byggje ut yrkesrådgivinga med sikte på å sikre at omfattande informasjon og den vidast moglege rettleiinga når fram til alle barn, ungdommar og vaksne, inkludert tenlege opplegg for alle med nedsett funksjonsevne. Informasjonen og rettleiinga skal mellom anna omfatte yrkesval, utdanningsmogleheter og utsikter for sysselsetjing. Artikkelen etter konvensjonen 5 forpliktar statane til å forme ut og gjennomføre tiltak om yrkesrettleiing og yrkesopplæring. Dette skal skje i samarbeid med organisasjonane til arbeidstakarane og arbeidsgivarane og med andre interesserete organisasjonar der dette passar.

Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar har som formål å oppnå effektivt vern av nasjonale minoritetar og personar som tilhører slike grupper. Med nasjonale minoritetar er det meint grupper med lang tilknyting til staten. I Noreg er jødar, kvener/norskfinnar, rom, romanifolk og skogfinnar nasjonale minoritetar.

Artikkel 12 etter konvensjonen pålegg statane å fremje like utdanningsmogleheter for personar som tilhører nasjonale minoritetar. Ifølgje artikkel 13 skal statane, innan ramma av utdanningssistema sine, anerkjenne at personar som tilhører nasjonale minoritetar, har rett til å opprette og drive privatskolar, utan at statane forpliktar seg til å yte økonomisk støtte til slike institusjonar. Dessutan er det fastsett i artikkel 14 paragraf 1 at statane skal anerkjenne at alle personar som tilhører ein nasjonal minoritet, har rett til å lære minoritetsspråket sitt. I paragraf 2 i artikkelen står det:

I områder som tradisjonelt eller i betydelig antall er bebodd av personer som tilhører nasjonale minoriteter, skal Partene, dersom det er tilstrekkelig etterspørsel, så langt som mulig og innenfor rammen av sitt utdanningssystem, søke å sikre at personer som tilhører disse minoritetene, har tilfredsstillende muligheter for å lære minoritetsspråket eller motta undervisning på dette språket.

Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk ETS nr. 148 (minoritetsspråkpakta) vernar samisk (nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk), kvensk, romanes og romani.

Noreg har teke på seg ulike forpliktingar for dei ulike språka. Ei grunnleggjande plikt følgjer av artikkel 7 nr. 2 der det er slått fast at «[p]artene forplikter seg til å fjerne [...] enhver uberettiget forskjell, utelukkelse, begrensning eller fortrinn i sammenheng med bruken av et regions- eller minoritets-språk som har til hensikt å motvirke eller sette i fare opprettholdelsen eller utviklingen av et regions- eller minoritets-språk». I artikkel 8 er det forpliktingar som rettar seg mot utdanningssistema i landa.

Det europeiske charteret om lokalt sjølvstyre regulerer først og fremst forholdet mellom parlamentet, statsforvaltninga og lokale styresmakter. I 2009 vart det vedteke ein tilleggsprotokoll som utdjupar retten til deltaking i sakene til lokale styresmakter. Tilleggsprotokollen fastlegg prinsippet om innbyggjardeltaking som ein individuell rett og pålegg medlemsstatane å legge til rette for slik deltaking. Charteret har som klar føresetnad at kommunane skal ha lokal folkevald leiing. Artikkelen til charteret 2 slår fast at prinsippet om lokalt sjølvstyre skal anerkjennast i nasjonal lovgiving og i grunnlov, der dette lèt seg gjere.

## 4.4 Andre lover som er relevante for grunnopplæringa

---

### 4.4.1 Kommunelova

Kommunelova gjeld for verksemda til kommunar og fylkeskommunar og inneholder den rettslege reguleringa for politisk og administrativ organisering i kvar enkelt kommune og fylkeskommune.

Kvar kommune og fylkeskommune er eit eige rettssubjekt og kan ta avgjelder på eige initiativ og ansvar, jf. kommunelova § 2-1 andre ledd. Posisjonen som sjølvstendig rettssubjekt gir kommunane og fylkeskommunane ei alminneleg rettsleg handleevne, inkludert ansvar for bruken av denne rettslege handleevna. Inndelinga i kommunar og

fylkeskommunar etter kommunelova § 2-1 første ledd markerer den stadlege kompetansen kommunen og fylkeskommunen har.

Kommunane og fylkeskommunane utøver sjølvstyret sitt innanfor nasjonale rammer, og avgrensingar i det kommunale og fylkeskommunale sjølvstyret må ha heimel i lov, jf. kommunelova § 2-1 tredje ledd.

Sentrale prinsipp for forholdet mellom dei nasjonale styresmaktene og det kommunale og fylkeskommunale sjølvstyret finst i kommunelova § 2-2. Det følgjer av denne paragrafen at det kommunale og fylkeskommunale sjølvstyret ikkje bør avgrensast meir enn det som er nødvendig for å vareta nasjonale mål. Vidare følgjer det av paragrafen at offentlege oppgåver fortrinnsvis bør leggjast til det forvaltningsnivået som er nærmest innbyggjarane. Det følgjer også av paragrafen at innanfor rammene av nasjonal økonomisk politikk bør kommunane og fylkeskommunane ha frie inntekter som gir økonomisk handlingsrom.

Kommunelova § 2-2 er formulert slik at prinsippa er bør-reglar. I merknaden til paragrafen i Prop. 46 L (2017–2018) *Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)* blir det presisert at dette ikkje er alminnelege plikter eller absolutte krav som blir pålagde nasjonale styresmakter, men at det er prinsipp som gir uttrykk for korleis nasjonale styresmakter bør utøve makta si.

Det følgjer av kommunelova § 5-3 at «kommunestyret treffer vedtak på vegne av kommunen, og fylkestinget treffer vedtak på vegne av fylkeskommunen, hvis ikke noe annet følger av lov». Vidare følgjer det av same regelen at kommunestyret og fylkestinget kan delegere mynde til å gjere vedtak til andre folkevalde organ, ordføraren eller kommunedirektøren innanfor rammene av kommunelova eller anna lov. Kommunestyret og fylkestinget kan også delegere mynde til andre rettssubjekt i saker som gjeld lovpålagde oppgåver «så langt lovgivningen åpner for det». I andre saker kan mynde delegerast til andre rettssubjekt der som saka ikkje har prinsipiell betydning. Dette følger av kommunelova § 5-4.

Innanfor rammene av opplæringslova med forskrifter og anna regelverk kan dermed kommunen og fylkeskommunen styre skolane. Sjølv om kommunen har rett til å styre skoleverksemda, må kommunen og fylkeskommunen ha heimel i lov dersom dei skal gripe inn og endre eller etablere bindande rettsforhold overfor borgarane. Dette følger av legalitetsprinsippet.

Kommunelova inneholder vidare reglar om mellom anna informasjonsplikt, interkommunalt samarbeid og delegering.

Kapittel 25 i kommunelova handlar om krav til internkontroll. Internkontrollen skal sikre at lover og forskrifter blir følgde, og han skal vere systematisk og tilpassast storleiken på verksemda, eigenarten, aktivitetar og risikoforhold.

Kommunelova kapittel 30 regulerer statleg tilsyn med kommunen og fylkeskommunen. Kapittelet inneholder mellom anna reglar om retten til synsmakta har til innsyn i opplysningar og dokumentasjon, reaksjonar ved regelbrot og samordning av tilsyn.

#### **4.4.2 Forvaltningslova**

Forvaltningslova gjeld for verksemd som blir driven av forvaltningsorgan, og har som formål å sikre kvar enkelt innbyggjar ei trygg og grundig saksbehandling og likebehandling frå det offentlege apparatet. Alle organ for stat eller kommune blir rekna som eit forvaltningsorgan med unntak for visse offentlege institusjonar, jf. forvaltningslova § 1, jf. § 4.

Forvaltningslova stiller krav til saksbehandlinga til forvaltningsorganet. Dersom avgjerdene til forvaltningsorganet er bestemmande for rettane eller pliktene til private, vil avgjera vere eit enkeltvedtak, jf. § 2. Forvaltningslova inneholder reglar om saksførebuingar ved enkeltvedtak, om vedtaket og om klage og omgjering.

Forvaltningslova inneholder også reglar om inhabilitet, rettleiingsplikt og teieplikt i offentleg forvaltning og dessutan om førebuing og kunngjering av forskrifter.

Reglane i forvaltningslova gjeld for den alminnelege saksbehandlinga til dei offentlege skolane og stiller mellom anna krav om rettleiing og saksbehandlingstid. Definisjonane til forvaltningslova ligg dessutan til grunn for kva avgjelder i skolesamanheng som blir rekna som enkeltvedtak. I slike saker må skolane følgje reglane i forvaltningslova for enkeltvedtak, og det er forvaltningslova som fastset kven som kan klage, klagefrist, reglar om klagebehandling osv.

Reglane i forvaltningslova gjeld når ikkje anna er bestemt i lov eller i medhald av lov. I opplæringslova er det gjort enkelte unntak frå reglane i forvaltningslova.

#### **4.4.3 Personopplysningslova**

Reglar om behandling av personopplysningar er fastsette i personopplysningslova. Personopplysningslova gjennomfører Eus personvernforordning (også omtalt som PVF og GDPR), og forordning

ninga gjeld som lov med visse tilpassingar (personopplysningslova § 1).

Personopplysningslova gjeld ved heil eller delvis automatisert behandling av personopplysnings og ved ikkje-automatisert behandling av personopplysningar som inngår i eller skal inngå i eit register.

Personopplysningslova set grenser for behandlinga skolen gjer av personopplysningar, og stiller krav til behandlinga. Lova inneber mellom anna krav om at kommunane, fylkeskommunane og skolane må ha eit behandlingsgrunnlag for å kunne behandle personopplysningar. Vidare må dei gjennom planlagde og systematiske tiltak sørge for tilfredsstillande informasjonstryggleik. Det vil seie at dei må ta omsyn til konfidensialitet, integritet og tilgjenge når dei skal behandle opplysningar og vurderingar som kan knytast til ein enkeltelev.

Personopplysningslova stiller opp fleire alternative grunnlag for å kunne behandle personopplysningar og særlege kategoriar av personopplysningar. Eitt mogleg grunnlag for å behandle personopplysningar er at det er nødvendig for å oppfylle ei rettsleg plikt. I vurderinga av om kommunen, fylkeskommunen og skolane kan behandle ein bestemt type opplysning på ein bestemt måte, er det derfor relevant å vurdere om slik behandling er nødvendig for å oppfylle dei rettslege pliktene i opplæringslova.

Personopplysningslova set også grenser for når staten kan samle inn og behandle personopplysningar knytte til kartleggingar, prøvar mv.

#### **4.4.4 Likestillings- og diskrimineringslova**

Likestillings- og diskrimineringslova har som formål å fremje likestilling og hindre diskriminering. Lova skal dessutan bidra til å byggje ned samfunnsskapte funksjonshemmande barrierar og hindre at det kjem til nye. Lova gjeld på alle samfunnsområde. Som offentleg styresmakt skal kommunen «arbeide aktivt, målrettet og planmessig for å oppfylle lovens formål», jf. likestillings- og diskrimineringslova § 24.

Likestillings- og diskrimineringslova har noko å seia for skolane på fleire måtar, både når det gjeld elevane, og når det gjeld dei tilsette til skolen. Til dømes vil omsynet til likestilling og forbodet mot diskriminering vere sentrale omsyn i organiseringa i klassar, tilpassingar i opplæringa, bruk av læremiddel og utforminga av og tilkomsten i skolebygningen.

Lova heimlar mellom anna forskrift om universell utforming av informasjons- og kommunika-

sjonsteknologiske (IKT)-løsninger), som også gjeld for IKT-løysingar i utdannings- og opplæringssektoren.

Kravet om universell utforming inneber at løysinga skal kunne nyttast av flest mogleg, også personar med fysiske, sensoriske, kognitive eller intellektuelle funksjonsnedsetjingar. Universell utforming av IKT inneber til dømes å forstørre tekst, lese tekst høgt, tekste lydfiler og videoar og gi gode kontrastar i skjermbletet. Universelt utforma IKT-løysingar skal også kunne verke saman med IKT-hjelpemiddel, som følbart tastatur og liknande, sjá Prop. 81 L (2016–2017) Lov om likestilling og forbud mot diskriminering (likestillings- og diskrimineringsloven), merknad til § 18.

#### **4.4.5 Samelova**

I samelova § 3-8 er det fastsett at «enhver har rett til opplæring i samisk», og at reglane i og i medhald av opplæringslova gjeld for slik opplæring. Regelen har berre sjølvstendig betydning for vaksenopplæring i samisk. For barn og unge gir opplæringslova uttømmande reglar om kva rettar elevar i grunnskolen og vidaregåande skole har til opplæring i samisk.

#### **4.4.6 Barnelova**

Barnelova har reglar om foreldreansvaret og om barn sin sjølvråderett og barn sin rett til å vere med på å ta avgjerder. Det er reglane i barnelova som er avgjerande for i kva tilfelle eleven sjølv kan gi samtykke, og i kva tilfelle foreldra kan samtykke på vegner av eleven. Til dømes følgjer det av barnelova § 32 at barn som har vorte 15 år, sjølve avgjer spørsmål om val av utdanning.

### **4.5 Om utforminga av ny opplæringslov**

#### **4.5.1 Innleiing**

I NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*, kapittel 12, formulerte opplæringsutvalet retningslinjene for regelstyring av grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa slik:

1. Staten kan påleggje kommunar og fylkeskommunar oppgåver berre gjennom lov og forskrift. Dette følgjer av Grunnlova § 49 og kan ikkje fråvikast.
2. Det kommunale og fylkeskommunale sjølvstyret bør ikkje avgrensast meir enn det som er nødvendig for å vareta nasjonale mål. Reglar

bør derfor brukast for tiltak som er avgjerande for å nå sentrale mål i grunnopplæringa, som læring, dannning og eit trygt og godt skolemiljø. Reglar bør også brukast for å bidra til likskap og likeverd.

3. Særreguleringer – det vil seie eigne reglar i opplæringslova som avvik frå reglar i generelle lover, som forvaltningslova – og dobbeltreguleringar – det vil seie reglar som har det same innhaldet som reglar i same eller ei anna lov – bør unngåast.
4. Individuelle rettar bør berre brukast i tilfelle der det er stor risiko for at generelle reglar ikkje vil vareta enkeltpersonar.
5. Kommunen og fylkeskommunen bør som hovudregel vere pliktsubjekt for pliktene i opplæringslova, ikkje skolen, rektor, lærar eller andre tilsette.
6. Kompetansekrav og organisering av oppgåvane i kommunen og fylkeskommunen bør normalt ikkje regulerast. Kompetansekrav bør avgrensast til den pedagogiske verksemda.
7. Generelle og prinsipielt viktige reglar bør fastsettast i lov. Detaljerte reglar bør fastsettast i forskrift.
8. Regelverket skal formast ut slik at det skal vere så lett som mogleg å finne fram til kva reglar som gjeld for den enkelte, og reglane skal vere så lette som mogleg å forstå.

Når retningslinjene for regelstyring skal brukast på konkrete problemstillingar, kan det oppstå fleire dilemma. Det kan vere eit ønske om detaljert regulering, mellom anna for å oppnå lik praksis, kontra eit ønske om eit regelverk som ikkje er for omfattande og detaljert. Det kan også vere eit ønske om å gjenta reglar i andre lover av pedagogiske omsyn, opp mot eit ønske om å unngå dobbeltreguleringar. Desse dilemmaa er oppstått i vurderinga av fleire av forslaga og er omtalt næraare i tilknyting til dei aktuelle punkta i proposisjonen.

#### **4.5.2 Forholdet til Grunnlova og dei internasjonale forpliktingane**

Opplæringslova legg dei rettslege rammene som skal heimle og verne barn og unge sine rettar og behov i ein lang og viktig fase av livet deira. I utarbeidinga av ei ny opplæringslov har eit overordna omsyn vore at det beste for barn og unge skal varetakast. Dette følgjer av at barn og unge er den største brukargruppa av lova, men også av nasjonale og internasjonale forpliktingar. Grunnlova og barnekonvensjonen legg overordna føringer for

avgjerder som vil ha direkte betydning for barn og unge. Lovgiving og andre reglar som rettar seg mot barn, skal byggje på prinsippet om det beste for barnet og på vurderingar av kva konsekvensar reglane har og kan få for barn.

Departementet meiner at reglane i dagens opplæringslov og forslaga i denne proposisjonen varetok krava som følgjer av Grunnlova og Noregs internasjonale forpliktingar. I proposisjonen er det gjort greie for internasjonale forpliktingar som har sentral betydning for departementets forslag, der det aktuelle forslaget er omtalt.

#### **4.5.3 Kompetansen kommunen og fylkeskommunen har**

Kommunar og fylkeskommunar er sjølvstendige, politisk valde og styrte forvaltningsnivå, sjá Grunnlova § 49 andre ledd. Dei er formelt likestilte forvaltningsnivå som ikkje er ein del av den hierarkisk oppbygde statsforvaltninga. Statsforvaltninga har ikkje nokon generell styrings-, instruksjons- eller overprøvingsrett overfor kommunane og fylkeskommunane. Det er kommunestyret og fylkestinget, som dei øvste organa i kommunen og fylkeskommunen, som gjer vedtak på vegner av kommunen og fylkeskommunen, så langt ikkje anna følgjer av lov eller delegeringsvedtak. Dersom staten skal kunne avgrense det kommunale sjølvstyret, må dette gjerast i lovform eller ved heimel i lov, jf. kommunelova § 2-1. Sjá punkt 4.5.4 om sjølvstyret frå kommunane og fylkeskommunane.

Kommunen og fylkeskommunen blir gjennom opplæringslova pålagde fleire oppgåver, som til dømes å gi grunnskoleopplæring og vidaregående opplæring. Kommunen og fylkeskommunen får kompetanse til å løyse desse oppgåvene gjennom det at dei i lova blir tildelte oppgåva. Innanfor dei nasjonale rammene som er sett gjennom lov og forskrift, jf. punkt 4.5.4, avgjer kommunen og fylkeskommunen sjølvle korleis dei vil gjennomføre opplæringa. Det inneber at kommunen og fylkeskommunen kan ta avgjerder som gjeld mellom anna elevar, foreldre og lærarar, utan at dette må komme fram uttrykkjeleg av lova. Dette er nødvendig for at kommunen og fylkeskommunen skal kunne gjennomføre dei lovpålagde oppgåvene sine.

Departementet legg til dømes til grunn at kommunen og fylkeskommunen kan påleggje elevane å gjennomføre aktivitetar og oppgåver som ein del av arbeidet med å gi opplæring, utan at dette krev ein uttrykkjeleg heimel i lov. Departementet foreslår derfor å fjerne regelen i dagens

lov § 2-3 første ledd andre punktum om kva undervisningstida kan brukast til. I dagens lov står det at undervisningstida i grunnskolen kan brukast til «fag og aktivitetar som skolen og elevane vel, til leirskoleopplæring og til opplæring på andre skolar eller på ein arbeidsplass utanfor skolen». Det er avgrensingar i handlingsrommet kommunen og fylkeskommunen har, som skal regulerast i opplæringslova, og det er derfor ikkje er nødvendig å lovfeste at det er eit handlingsrom. Opplæringa skal vere i samsvar med måla og prinsippa for opplæringa og innretta slik at elevane skal kunne oppnå kompetanseområda der, men kommunane, fylkeskommunane og skolane vel sjølve kva metodar og aktivitetar dei vil bruke for å oppfylle måla.

Kommunen og fylkeskommunen har også ein råderett som eigar. Dette betyr at skolen kan avgjere hven som kan opphalde seg kvar i bygningsane eller på uteområda. Skolen kan også avgrense elevane sin rett til å opphalde seg på bestemte stader eller påby elevane å opphalde seg ein bestemt stad. Dette gjeld både i undervisningstida og i friminutta.

Dersom kommunen og fylkeskommunen skal kunne ta avgjerder som inneber unntak frå lovfesta rettar for elevane, må lova gi ein heimel for dette. Eit døme på dette er unntak frå retten til opplæring og unntak frå retten til å gå på ein skole i nærmiljøet. Departementet foreslår derfor å lovfeste reglar om bortvising, sjå forslaget til § 13-1, og reglar om pålagt skolebyte, sjå forslaget til § 13-2.

#### **4.5.4 Sjølvstyret til kommunane og fylkeskommunane**

Kommunar og fylkeskommunar er sjølvstendige, folkevalde og sjølvstyrte organ. Skal dei påleggjast oppgåver eller plikter, må dette gjerast gjennom lov eller forskrift. Dette lovkravet følgjer av kommunelova § 2-1 tredje ledd andre punktum, som seier at avgrensingar i det kommunale og fylkeskommunale sjølvstyret skal ha heimel i lov. Økonomisk og juridisk rammestyring er eit hovudprinsipp for den statlege styringa. Detaljert statleg styring skal vere særskilt grunngitt i nasjonale mål. Ein fordel med kommunalt handlingsrom er at vurderingar, val og prioriteringar for innbyggjarane kan gjerast på grunnlag av lokale forhold. Samtidig må nytten av det lokale handlingsrommet vurderast opp mot andre omsyn. Eit sentralt omsyn er å sikre grunnleggjande rettar til opplæring for barn, unge og vaksne. Barn og unge har ikkje dei same føresetnadene for å

vareta eigne interesser som vaksne, og det er derfor eit særleg behov for å bruke reglar som verkemiddel for å nå dei nasjonale måla for grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa.

KS meiner at graden av detaljregulering slik høyrforslaget var utforma, ville ta ifrå kommunen og fylkeskommunen moglegheita til å velje løysingar som er tilpassa kvar enkelt kommune og fylkeskommune, med ei realistisk oppfølging av lova. KS meiner at talet på pliktreglar i lovforslaget må vurderast, og viser til at det følgjer av kommunelova § 2-2 at det kommunale og fylkeskommunale sjølvstyret ikkje bør avgrensast meir enn det som er nødvendig for å vareta nasjonale mål, og at offentlege oppgåver fortrinnsvis bør leggjast til det forvaltningsnivået som er nærest innbyggjarane.

Departementet har gjort ei grundig avveging av dei omsyna som er omtalt over, og meiner at forslaget ivaretar desse på ein balansert måte. Forslaget til ny opplæringslov inneheld som dagens lov fleire individuelle rettar. Individuelle rettar gir innbyggjarane krav på å få ei bestemt teneste, og dette kan ta ifrå kommunen og fylkeskommunen moglegheita til å prioritere heilsakapleg ut frå lokale behov og føresetnader. Samtidig gir lovfesta rettar med tilhøyrande klagemøglegheit ein rettstryggleik for elevane og vil i stor grad kunne sikre eit likeverdig opplæringstilbod. Forslaget inneheld som dagens lov fleire skjønnsmessige reglar. Slike reglar er i utgangspunktet ei reguleringsform som gir eit visst handlingsrom til kommunane og fylkeskommunane, sjá meir om bruk av skjønnsmessige reglar i punkt 5.

På nokre område meiner departementet at kommunane og fylkeskommunane er for detaljstyrte i dag, og departementet foreslår derfor endringar som vil gi større handlingsrom til kommunane på desse områda. Departementet foreslår mellom anna færre krav til sakkunnige vurderingar og færre krav om korleis skoledemokratiet skal organiserast. Departementet foreslår også å gjere tydeleg regelverket på fleire område, noko som også kan gjøre det lettare for kommunane og fylkeskommunane å bruke handlingsrommet sitt.

På andre område meiner departementet at omsynet til elevane tilseier detaljerte reglar, noko som vil gi mindre handlingsrom for kommunane. Departementet meiner det bør vere nasjonale reglar når det er avgjerande for å nå sentrale mål for grunnopplæringa, som retten til eit trygt og godt skolemiljø. Vidare er det nødvendig med individuelle rettar dersom generelle reglar ikkje vil vareta behovet til enkeltelevar. Individuelle rettar kan også vere nødvendige for å oppnå likeverd

uavhengig av funksjonsnivåa og bakgrunnen til elevane.

#### **4.5.5 Fordelinga av reglane mellom lov og forskrift**

I Innst. S. nr. 296 (1995–96) frå Stortingets kcontroll- og konstitusjonskomité, blir det framheva at eit utgangspunkt er at alle spørsmål som er av ein slik karakter at Stortinget bør ta stilling til dei, bør regulerast i formell lov og ikkje blir overlatne til forskrift. Jo meir inngripande tiltak som blir sette i verk, desto sterkare grunn er det til å krevje at Stortinget har teke uttrykkjeleg stilling til iverksetjinga av det konkrete tiltaket.

Departementet viser til at det klare utgangspunktet er at sentrale rettar og plikter skal regulerast i lov. Med sentrale rettar og plikter er det meint reglar som i stor grad grip inn i rettsstillinga til private og kommunar og fylkeskommunar, og reglar som har betydning for mange elevar eller stor betydning for enkelte elevar. Generelle reglar er derfor foreslått fastsette i forslaget til ny lov, medan spesifikke og detaljerte reglar er foreslått fastsette i forskrift til lova.

Vidare har departementet lagt til grunn at forskriftsheimlar berre bør vedtakast når ein veit hovudlinjene i kva som skal regulerast i forskrift. Demokratiske omsyn tilseier at Stortinget ikkje bør overføre mynde som det er uklart korleis skal brukast. Å gi forskriftsheimlar for «å vere trygg» kan bli ei kvilepute som forhindrar at regelverket er godt nok gjennomtenkt. Ubrukte forskriftsheimlar kan dessutan skape rettsuklarleik hos brukarane. Det er derfor ikkje foreslått å lovfeste eller vidareføre forskriftsheimlar der det ikkje er eit kjent behov for å fastsetje reglar i forskrift.

I lovforslaget går forskriftsheimlane fram av paragrafen som regulerer det aktuelle temaet. Departementet meiner at ei løysing der ein samlar forskriftsheimlane i eigne paragrafar kan gjere reglane unødvendig fragmentariske fordi det inneber ei ytterlegare oppdeling av reglane.

#### **4.5.6 Kven som blir pålagd plikter etter lova**

Departementet legg til grunn at det må vere samanheng mellom mynde og ansvar. Med ansvar siktar ein til økonomisk og juridisk ansvar. Den som skal vere pliktsbjekt, må kunne stillast til ansvar av rettshavar, handhevingsstyresmaktene eller domstolen.

Kommunestyret og fylkestinget er øvste ansvarlege i høvesvis kommunen og fylkeskommunen og også juridisk og økonomisk ansvarlege

for opplæringa. Den klare hovudregelen bør derfor vere at kommunen og fylkeskommunen er pliktsbjekt for pliktene i opplæringslova.

Skolen er ikkje eit eige rettssbjekt og kan dermed ikkje ha mynde eller rettsleg ansvar. Skolen kan etter vurderinga til departementet likevel brukast som pliktsbjekt i lova for oppgåver som naturleg skjer på skolenivå. I lovforslaget er «skolen» brukt som pliktsbjekt nokre stader, mellom anna i forslaget § 10-3 der det står at «[s]kolen» skal samarbeide med foreldra om opplæringa til eleven. Her er «skolen» brukt som pliktsbjekt fordi det etter vurderinga til departementet er unaturleg å skrive kommunen og fylkeskommunen ettersom oppgåva om samarbeid om den enkelte eleven naturleg skjer på skolenivå. Det er like fullt kommunen og fylkeskommunen som er ansvarlege for at slikt samarbeid skjer.

Departementet foreslår å omformulere lovtekstane i paragrafane om ansvaret kommunen og fylkeskommune har for å klargjere kven som har det juridiske og økonomiske ansvaret der «skolen» er pliktsbjekt i lovteksten, sjå punkt 53. Der departementet har valt å bruke «skolen» som pliktsbjekt, kjem det også fram av merknaden til den aktuelle regelen at det er kommunen og fylkeskommunen som rettsleg sett har mynde og ansvar for å oppfylle krava i regelverket.

Det går fram av lovforslaget at kommunen har ansvaret for opplæringa i grunnskolen og at fylkeskommunen har ansvaret for den vidaregående opplæringa. Det er felles for ei rekke paragrafar at dei gir informasjon om det nærmere innhaldet i rettighetane til elevane. I desse paragrafane går det ikkje fram kven som er pliktsbjektet, då plikta til å innfri rettane etter paragrafen skal sjåast som ein del av det ansvaret kommunen og fylkeskommunen har for opplæringa.

#### **4.5.7 Dobbeltreguleringar**

Dobbeltregulering bør slik departementet vurderer det, unngåast så langt som mogleg, for å unngå risiko for misforståingar og feil, og for å redusere det totale omfanget av reglar. Dobbeltregulering kan føre til rettsuklarleik og inkonsekvens i regelverket. Departementet ser på den andre sida at dobbeltregulering kan gjere at reglane i opplæringslova blir meir tilgjengelege for lesarane av lova, særleg for elevar og foreldre. I all hovudsak kan likevel det same oppnåast med god rettleiing, mellom anna på nettsidene til Utdanningsdirektoratet. Det vil uansett ikkje vera mogleg å regulera alle relevante reglar i opplæringslova. Dessutan meiner departementet at ein

kan forvente at kommunar og fylkeskommunar tek omsyn til både sektorlov, som opplæringslova, og dei generelle lovene som gjeld for verksemda deira, som forvaltningslova.

Døme på reglar som departementet på denne bakgrunnen foreslår å ikkje vidareføre på grunn av dobbeltregulering, er paragrafane om statleg råd og rettleiing i dagens opplæringslov § 14-2, om tilskot frå staten jf. § 13-9 og tilvisinga til forvaltningslova i § 15-1.

Når det gjeld regelen om at departementet skal gi råd og rettleiing viser departementet til forvaltningslova § 11 som fastslår ei alminneleg rettleiingsplikt for forvaltningsorgan innanfor saksområdet sitt. Dessutan gjeld det eit ulovfesta forvaltningsrettsleg prinsipp om god forvaltningskikk. Dette inneber mellom anna at forvaltninga skal vere open og serviceinnstilt. Opplæringslova § 14-2 inneheld ikkje sjølvstendige plikter utover det som følgjer av alminnelege forvaltningsrettslege reglar. Regelen er dermed ei unødvendig dobbeltregulering.

Departementet ser at pedagogiske omsyn kan tale for å ha ein regel i opplæringslova som seier at reglane i forvaltningslova gjeld for opplæringsverksemd. Opplæringslova har eit stort nedslagsfelt og blir brukt av mange som ikkje er juristar. Det kan vere rektorar, lærarar, foreldre, elevar, vaksne i grunnopplæringa og tilsette i kommunar og fylkeskommunar. Mange reglar og rettar i lova har stor betydning for dei desse gjeld for. For å få desse rettane oppfylt er elevar og foreldre avhengige av at reglane i forvaltningslova blir følgde. Det gjeld til dømes saksbehandlingsreglar knytte til enkeltvedtak, som rett til kontradiksjon, grunn-

giving for enkeltvedtak og rett til å klage. Departementet meiner likevel at ei generell tilvising til forvaltningslova inneber ei unødvendig dobbeltregulering. Regelen har ikkje sjølvstendig rettsleg betydning. Reglane i forvaltningslova gjeld uansett i området til grunnskolen og til den vidaregåande opplæringa, sjá forvaltningslova § 1, som bestemmer at forvaltningslova «gjeld den verksemda som blir driven av forvaltningsorgan når ikkje anna er bestemt i eller i medhald av lov». Kommunar og fylkeskommunar er forvaltningsorgan. Det finst andre regelverk som gjeld på området til grunnopplæringa utan at dei er nemnde i opplæringslova, til dømes likestillings- og diskrimineringsregelverket.

Departementet foreslår å ikkje vidareføre regelen om tilskot frå staten. Opplæringslova § 13-9 har ikkje noka sjølvstendig rettsleg betydning. Det er fastsett at tilskot normalt skal givast i form av rammetilskot, men regelen står ikkje i vegen for at Stortinget løyver øyremerkte midlar til særskilde formål. Dessutan er det såkalla finansieringsprinsippet fastsett i kommunelova § 2-2 tredje ledd. Vidare gir ikkje opplæringslova § 13-9 opp kor stort rammetilskotet skal vere, berre at staten har ei plikt til å dekkje «delar» av dei kommunale utgiftene. Departementet viser også til at dei andre lovene innan oppvekst og utdanning, der kommunane og fylkeskommunane blir pålagde plikter, ikkje har ein generell regel om plikt for staten til å gi tilskot.

Departementet har i nokre tilfelle gjort unntak frå utgangspunktet om at dobbeltregulering skal unngåast og desse unntaka er grunngitte i dei aktuelle punkta i lovproposisjonen.

## 5 Bruk av skjønnsmessige reglar

### 5.1 Kva er skjønn?

Både dagens opplæringslov og forslaget til ny lov inneheld mange skjønnsmessige reglar. Desse reglane krev vurderingar frå personar med ulik fagbakgrunn og gir forvaltninga varierande grad av fleksibilitet og fridom ved val av løysingar.

I juridisk teori er skjønn beskrive og inndelt på ulike måtar. Skjønn har ikkje eit fast og presist innhald, men er eit uttrykk for vurderingar som den som skal bruke regelen, må gjere for å komme til eit resultat. Ramma for skjønnet kan variere og blir ofte fastsett i loveteksten, men sjølve vurderingane må gjerast ved hjelp av andre faktorar, både i og utanfor ordlyden i lova. Ein rettsregel kan bestå av informasjon om kven regelen gjeld for, i kva tilfelle regelen gjeld, og kva som er følgja av at regelen gjeld. I nokre tilfelle er heile regelen skjønnsmessig utforma, men ofte er berre delar av regelen skjønnsmessig.

Regelen i forslaget til § 4-1 andre ledd om skoleskyss for elevar i grunnskolen er eit døme på at vilkåret er basert på skjønnsmessige vurderingar, medan resultatet ikkje kjem an på skjønn. «Elevar har rett til gratis skyss dersom ein del av vegen er særleg farleg eller vanskeleg.» Vurderinga av kva som er «særleg farleg» eller «vanskeleg», er skjønnsmessig og må gjerast ved hjelp av både ordlyden og faktorar utanfor loveteksten. Dersom ein kjem til at eitt av desse vilkåra er oppfylte, har eleven rett til gratis skyss.

Eit døme på ein regel der både vilkår for at regelen kjem til bruk, og at resultatet kjem an på skjønnsmessige vurderingar, er forslaget til § 2-2 fjerde ledd som seier: «Kommunen kan gi ein elev permisjon frå skolen dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg.» Kommunen må utøve skjønn både for å komme fram til om det under dei gitte omstenda er «forsvarleg» å gi permisjon, og for å vurdere om moglegheita til å gi eleven permisjon i så fall skal brukast.

### 5.2 Ulike typar av skjønnsmessige vurderingar

#### *Inndeling etter grunnlag*

Skjønnsmessige reglar har ulike vurderingsgrunnlag. Vurderingane kan vere av ulik karakter: juridiske, yrkesfaglege, tekniske, pedagogiske, taktiske, medisinske eller økonomiske, eller vurderingane kan vere lokale, politiske eller moraliske. Denne lista gir ikkje ei fullstendig beskriving av moglege vurderingsgrunnlag. Den som vurderer, skal nokre gonger ta utgangspunkt i konkrete betraktingar frå sak til sak, men vurderingane kan også baserast på faglege og rettslege standardar på ulike område. Innhaldet i slike standardar kan variere over tid.

Mange av vilkåra i forslaget til ny opplæringslov er, som i dag, formulerte skjønnsmessig eller som rettslege standardar for at lova ikkje skal detaljregulere korleis opplæringa eller anna verksemd etter lova skal vere. I mange av desse tilfella vil vurderingane vere forankra i fagkunnskap og pedagogiske omsyn. Døme på slike reglar er forslaget om at ingen klassar eller grupper skal vere større enn det som er trygt og pedagogisk forsvarleg, og forslaget om at elevar har rett til individuelt tilrettelagt opplæring dersom dei treng det for å få tilfredsstillande utbytte av opplæringa. I andre tilfelle vil vurderingane komme an på både pedagogiske vurderingar og meir allmenne vurderingar. Eit døme på dette er vilkåret om at det må vere særleg tungtvegande grunnar for å kunne dele elevane inn i grupper etter kjønn.

#### *Inndeling etter grad av fridom – lovbunde skjønn og forvaltningskjønn*

Skjønnsmessige vurderingar kan delast inn etter gradar av fridom for forvaltninga. Vurderingane kan vere knytte til skjønnsmessige ord og uttrykk i loveteksten, til dømes urimeleg, tilstrekkeleg, forsvarleg, tilfredsstillande, vanleg, særleg og nødvendig. I slike tilfelle må det gjerast konkrete vurderingar baserte på relevante vurderingsmoment og omsyn.

Reglane kan gi forvaltninga ulik grad av valfridom når det gjeld resultatet. Sjølv om vilkåra kan vere skjønnsmessige, kan lova klart peike på eit bestemt resultat. Eit døme på det siste er forslaget til § 14-6 første ledd om at elevar har rett til fritak frå aktivitetar i opplæringa som dei med rimeleg grunn opplever som utøving av ein annan religion enn sin eigen eller tilslutning til eit anna livssyn enn sitt eige, eller som dei på same grunnlag opplever som krenkjande eller støytande. Her er vilkåra skjønnsmessige, men dersom ein kjem til at vilkåra er oppfylte, har eleven rett til fritak frå den aktuelle aktiviteten.

I nokre tilfelle opnar reglane for at forvaltninga kan velje mellom bestemte løysingsalternativ. Andre gonger stiller lova forvaltninga fritt i valet av løysing. Lova opnar for at eit forvaltningsorgan *kan* gi løyve til ein type verksemd eller innvilga ein søknad. Eit døme på det siste er forslaget til § 2-6 andre ledd, som seier at ein elev etter søknad kan takast inn på ein annan skole enn den eleven soknar til. Kommunen står då fritt til å innvilge eller avslå søknaden. I enkelte tilfelle står forvaltningsorganet fritt til å velje om det skal, eller ikkje skal, bruke det tildelte myndet sitt. Forslaget til § 1-6 sjette ledd er eit døme på ei slik regulering. Det følgjer av denne regelen at kommunen og fylkeskommunen kan gi forskrift om opplæring utover det samla minstetimetallet som departementet har fastsett.

I rettspraksis og juridisk teori er det etablert eit skilje mellom lovbunde skjønn, også kalla rettsbrukskjønn, på den eine sida og forvaltningsskjønn/diskresjonært skjønn eller fritt skjønn på den andre. Regelen om fritak frå aktivitetar på grunn av religiøs overtyding er eit døme på eit lovbunde skjønn. Sjølv om vilkåra er skjønnsmessige, står ikkje kommunen eller fylkeskommunen fritt i vurderinga av om vilkåra er oppfylte eller ikkje. Regelen om at ein elev etter søknad kan takast inn på ein annan skole enn den eleven soknar til inneholder eit forvaltningsskjønn. Her står kommunen fritt til å velje om han vil ta eleven inn på ein annan skole enn den eleven soknar til.

Departementet er samd i presiseringa frå opplæringslovutvalet av at uttrykket *fritt skjønn* om forvaltningsskjønn kan vere misvisande fordi forvaltninga aldri står fullstendig fritt i vurderingane sine. I denne lovproposisjonen er det derfor uttrykka lovbunde skjønn og forvaltningsskjønn som blir brukte.

### 5.3 Kontroll med skjønnsmessige reglar

Ein av konsekvensane ved å bruke skjønnsmessige reglar er at ein i større eller mindre grad overlèt til forvaltninga å definere det nærare innhaldet i rettsregelen og resultatet i den konkrete saka. Dette har betydning for tolkinga av rekkjevida av og innhald i både rettar og forpliktingar etter lova.

Både graden av fridom og grunnlaget for vurderingar er viktige når det skal fastleggjast kva som kan kontrollerast fullt ut av tilsynsmaktene og domstolen, og for kva som ikkje, eller i avgrensa grad, kan bli overprøvd.

I saker som omfattar lovbunde skjønn, kan domstolen og tilsynsmakta overprøve skjønnsutøvinga til forvaltningsorganet fullt ut. I avgjerder som føreset forvaltningsskjønn, er moglegheita domstolen og tilsynsmakta har til å prøve avgjerda, meir avgrensa.

Der kommunane eller fylkeskommunane har utøvd forvaltningsskjønn, kan domstolen og tilsynsmakta berre kontrollere at kommunane eller fylkeskommunane har halde seg innanfor dei rammene lovgivar har stilt opp for skjønnsutøvinga. Domstolen og tilsynsmakta vurderer då om avgjerda byggjer på korrekt saksbehandling, om rett faktum er lagt til grunn, og om det ligg føre brot på dei ulovfesta prinsippa om myndighetsmisbruk (utanforliggjande omsyn, vilkårlegheit, grovt urimeleg eller usakleg forskjellsbehandling). Så lenge kommunane eller fylkeskommunane har halde seg innanfor desse rammene, kan ikkje domstolen og tilsynsmakta setje seg i kommunane eller fylkeskommunane sin stad og erstatte den konkrete vurderinga som kommunane eller fylkeskommunane har gjort.

Ved behandling av klagesaker er hovudregelen derimot at klageinstansen kan prøve alle sider av vedtaket, også forvaltningsskjønnet. Der staten er klageinstans, skal det med nokre unntak leggjast stor vekt på omsynet til det kommunale sjølvstyret når forvaltningsskjønnet blir prøvd. Kompetansen til klageinstansen kan også vere avgrensa i den konkrete paragrafen.

Om ein enkeltregel peikar på eit lovbunde skjønn eller eit forvaltningsskjønn, avheng først og fremst av ei tolking av ordlyden til paragrafen, formålet i lova, forarbeida til lova og andre rettskjelder.

Rettspraksis har gitt nokre føringar for skiljet mellom lovbunde skjønn og forvaltningsskjønn. Dersom lovgivar medvite har utforma vase vurderingstema, eller dersom paragrafen inneholder

faglege, politiske eller lokale vurderingsmoment, trekker dette i retning av at det er eit forvaltingsskjønn. Det inneber at domstolen ikkje vil, eller vil vere tilbakehalden med å, overprøve vurderingane. Biletet er likevel ikkje einydig. Dersom reglane er særleg inngripande, eller på annan måte betyr mykje for rettstryggleiken for parten, er det eit argument for at domstolen likevel overprøver vurderingane.

## 5.4 Skjønnsmessige reglar i opplæringslova

Departementet meiner det er gode grunnar som taler for å gi enkelte reglar i opplæringslova ulik grad av skjønn. På dei mange skolane i landet oppstår det ulike problemstillingar kvar dag. Departementet meiner det ikkje er realistisk at opplæringslova og forskriftene til denne kan utformast så konkret og nyansert at paragrafane gir gode løysingar på alle problemstillingar og situasjonar som kan oppstå. I mange tilfelle er det ikkje lovgivar, men personane som er nær situasjonen, som har dei beste føresetnadene for å komme til gode resultat. Eit regelverk utan skjønnsmessige reglar ville ha vorte både omfangsrikt og detaljert. Truleg måtte det også ha vorte endra på oftare for å gi løysingar på nye problemstillingar.

Skjønnsmessige reglar skaper nødvendig fleksibilitet i regelverket. Den som skal bruke reglane, får rom til å finne den beste løysinga ut frå faktorar som bransjestandardar eller faglege standardar, lokale forhold, ressursar, melde behov eller andre føresetnader. Praksis kan også lett tilpassast ei eventuell endring og utvikling av dei nemnde faktorane over tid. Skjønnsmessige reglar vil bidra til lokalt handlingsrom, noko som samsvarer med overordna føringar om statleg styring av kommunane og fylkeskommunane. Ein medviten bruk av slike reglar kan vere eit nyttig og dynamisk styringsverktøy saman med klageregular og effektive rettleiings- og tilsynsmekanismar.

Samtidig kan skjønnsmessige ord og uttrykk skape uvisse. Det kan oppstå uvisse om kva som er meint, kven som skal vurdere, og om vurderingane kan overprøvast av statlege styresmakter. Det er særleg to spenningsforhold. Det eine er i kva grad staten kan overprøve vurderingane til kommunen og fylkeskommunen gjennom tilsyn. Det andre spenningsforholdet er mellom fagleg-pedagogiske omsyn og andre omsyn.

Departementet viser til at denne uvissa kan ha fleire konsekvensar, mellom anna ulik eller mang-

lande etterleving av regelverket. I avsluttande merknader frå FNs barnekomité til Noreg i 2018 sa dei dette om det generelle tenestetilbodet til barn:

Komiteen merker seg med tilfredshet tjenestene som tilbys av lokale myndigheter, men anbefaler at parten øker sin innsats for å avskaffe regionale forskjeller i tjenestetilbuet, og at eventuelle planer eller tiltak for å øke lokale myndigheters selvstyre ledsages av klare retningslinjer for å sikre at tjenestene er av like høy kvalitet overalt i staten.

For å bøte på utfordingane som skjønnsmessige reglar kan gi, meiner departementet at opplæringslova bør klargjere kva vurderingsgrunnlag dei ulike reglane peikar på, og om desse kan kontrollerast av tilsynsmakta og overprøvast av domstolen. Slik departementet ser det, er det ikkje tenleg å gjøre alle slike avklaringar i loveteksten. I forarbeida bør det derfor gå tydeleg fram kva formål lovgivaren har med regelen, og kva omsyn som ligg attom reguleringa. Dette kan redusere noko av den uvissa som finst i dag om innhaldet i plikter og rettar, og kva som trengst for å oppfylle desse.

Samtidig er det på området til grunnskolen og den vidaregåande opplæringa ofte nødvendig med faglege vurderingar som er forankra i faglege standardar eller normer som blir utvikla gjennom erfaring, diskusjon og interesseavveging innanfor eit fagmiljø, og der også relevant forsking kan spele inn. Desse faglege standardane og normene må iblant utviklast som ledd i bruken av rettsreglane. Den som skal bruke paragrafen, må i slike tilfelle vurdere og avvege faglege argument, saman med ordlyden i lova og andre relevante rettskjelder.

Departementet legg til grunn at etiske omsyn og meir allmenne samfunnsnormer, som ikkje krev fagleg og pedagogisk kompetanse og erfaring, normalt er lovbane skjønn som statsforvaltaren og domstolane kan prøve fullt ut. Når det gjeld dei faglege vurderingane, kan det, slik departementet ser det, ikkje stillast opp ein hovudregel. I mange tilfelle vil fagleg-pedagogisk kunnskap og erfaring vere det relevante grunnlaget for å fastsetje innhaldet i eit skjønnsmessig omgrep. Dette er vurderingar som kommunen, fylkeskommunen og statsforvaltaren har særskild kompetanse og erfaring med. Departementet legg til grunn at domstolane vil vere tilbakehaldne med å setje vurderingane til forvaltinga til side slike tilfelle. Kva for nokre faglege vurderingar som til-

høyrer lovbunde skjønn eller forvaltingsskjønn, bør lovgivar ta aktivt stilling til ved utforminga av dei ulike paragrafane. Dersom lovteksten eller forarbeida ikkje inneheld ei slik vurdering, kan ikkje dette takast til inntekt for at skjønnet skal vere forvaltingsskjønn. Kvart element som innehold skjønn, må då vurderast. Kor inngrinande avgjerala er, rettstryggingsomsyn og økonomiske motiv er moment som må inngå i den konkrete heilsapsvurderinga.

Samanfatta kan ein seie at forslaget til ny lov bruker

- skjønnsmessige paragrafar der det er tenleg at det nærmere innhaldet i regelen blir styrt av fagleg kunnskap og erfaring eller blir fastlagt med tilpassingar til lokale forhold eller konkrete behov. Moment som taler mot bruken av skjønn, er desse:
- Risikoene ved val mellom ulike løysingar er høg.

- Likebehandling og føreseielege vilkår er viktige.
- Risiko for at økonomisk motivasjon kan svekkje sentrale mål og grunnleggjande rettar.

Departementet har søkt å gjere tydeleg i lovteksten eller i proposisjonen kva vurderingar paragrafen peikar på, og om vurderingane kan kontrollerast av tilsynsmakta og domstolen. Dette inneber å gi tydeleg uttrykk for kva som er meint å vere lovbunde skjønn, og kva som er meint å vere forvaltingsskjønn. Dei fleste skjønnsmessige vurderingane i lovforslaget blir rekna som lovbundne.

Moment som omsynet til det beste for barnet, kor inngrinande avgjerala er, rettstryggingsomsyn og økonomiske motiv er relevante i avgjerala av spørsmålet om faglege vurderingar kan overprøvast.

## 6 Lovstruktur og lovspråk

### 6.1 Innleiing

Dette punktet handlar om korleis lova er bygd opp (strukturen i lova), og om språket i lova. Det er eit mål at den nye opplæringslova skal vere oversiktleg og ha eit klart og godt språk. I forslaget til ny opplæringslov har departementet strukturert innhaldet på ein ny måte samanlikna med dagens lov, og formålet er at det skal vere lett å finne fram til kva reglar som gjeld for den enkelte. Lovtekstane er utforma slik at reglane skal vere så lette som mogleg å forstå.

### 6.2 Dagens opplæringslov

Dagens lov inneheld 18 kapittel og har ei blanding av kapittel delte inn etter opplæringstype og særskilde tema.

Lova inneheld fire kapittel etter opplæringstype: grunnskoleopplæring (kapittel 2), vidaregåande opplæring (kapittel 3), vidaregåande opplæring i bedrift (kapittel 4) og grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne (kapittel 4A). Kvart av desse fire kapitla inneheld paragrafar som berre gjeld den enkelte opplæringstypen. I tillegg er det elleve kapittel med særskilde tema (kapitla 5 til og med 14). Lova har også eit kapittel om bruk av forvaltningslova (kapittel 15), eit innleiande kapittel (kapittel 1) og eit avsluttande kapittel (kapittel 16).

Dei elleve kapitla med særskilde tema inneheld paragrafar som gjeld både grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring. Nokre paragrafar i desse kapitla gjeld for begge opplæringstypene, og nokre paragrafar gjeld berre grunnskoleopplæring eller berre vidaregåande opplæring. I tillegg kjem paragrafar som inneheld ei blanding av reglar, der enkelte ledd i paragrafen gjeld grunnskoleopplæring, og enkelte ledd gjeld vidaregåande opplæring.

På oppdrag av Kommunal- og distriktsdepartementet utførte analyseselskapet Oxford Research i 2015 ei kartlegging av bruken av lovteksten i opplæringslova. Kartlegginga var ein del av prosjektet «Klart lovspråk». I tillegg gjennomførte

Institutt for språk og litteratur ved NTNU ei leseundersøking og ein tekstanalyse av lova.

Eit hovudfunn i tekstanalysen er at opplæringslova ber preg av å ha vore revidert mange gonger, og at ho har ei lite intuitiv inndeling av kapittel.

### 6.3 Lovstruktur og lovspråk i ny opplæringslov

#### 6.3.1 Strukturen i lova

I forslaget til ny opplæringslov legg departementet fram ein ny struktur – ein ny måte å presentere innhaldet i opplæringslova på – samanlikna med dagens lov. Departementet følgjer i hovudsak opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 13.

Departementet foreslår å dele opplæringslova inn i desse delane:

- Første del – innleiande reglar
- Andre del – grunnskoleopplæring
- Tredje del – vidaregåande opplæring
- Fjerde del – fellesreglar for grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa for barn og unge
- Femte del – førebuande opplæring og vidaregåande opplæring for vaksne
- Sjette del – privat opplæring, godkjenningsordningar og privatistordningar
- Sjuande del – forskjellige reglar
- Åttande del – sluttreglar

Det sentrale med forslaget til ny lovstruktur er at paragrafane som berre gjeld grunnskoleopplæring (andre del), berre gjeld vidaregåande opplæring (tredje del), eller berre gjeld førebuande opplæring og vidaregåande opplæring for vaksne (femte del), er samla i eigne delar. I tillegg har forslaget samla reglar som er felles for grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa for barn og unge (fjerde del), reglar om privat opplæring, godkjennings- og privatistordningar (sjette del) og reglar som ikkje naturleg høyrer heime i nokon av dei andre delane (sjuande del). Sjuande del inneheld mellom anna eit kapittel om ansvaret

til kommunen og fylkeskommune og eitt kapittel om klageinstans, tilsyn og forsøk. Lovforslaget inneholder også ein innleitande del (første del) og ein del med sluttreglar (åttande del).

Andre og tredje del er bygde opp etter tema og på same måten, med eitt kapittel om retten til opplæring, eitt kapittel om val av skriftspråk og særskilde språkrettar i opplæringa og eitt kapittel med reglar som ikkje angår sjølvre opplæringa. I tillegg har delen om vidaregåande opplæring eitt kapittel om opplæring i bedrift og eitt kapittel om organ knytt til fag- og yrkesopplæringa.

Formålet med å samle fellesreglane i ein eigen del er å gi ei samla framstilling av reglar som gjeld både for grunnskoleopplæringa og for den vidaregåande opplæringa, og å unngå å duplisere paragrafar. Nokre få paragrafar om særskilde språkrettar er likevel dupliserte i lovforslaget for å samle same typen paragrafar under høvesvis delen om grunnskoleopplæring og delen om vidaregåande opplæring.

Ein fordel med denne inndelinga er at det er enklare enn med dagens lov å finne fram til kva reglar som gjeld gjennom opplæringsløpet.

Departementet vil understreke at plasseringa av reglane i lova, om ein regel kjem tidleg eller sein i lova, ikkje gir uttrykk for ei prioritering av kor viktige reglane er.

### **6.3.2 Språket i lova**

Departementet har lagt vekt på at lova skal ha eit språk som kan forståast også av dei som ikkje har juridisk bakgrunn. Språkrådet har hjelpt departementet og gitt språkfagleg hjelp i arbeidet med lovteksten og klart lovspråk. Departementet har også jobba med at teksten i merknadane til lovforslaget og i proposisjonen skal bidra til klargjering.

Der departementet foreslår å vidareføre dagens reglar, er det mange stader gjort språklege endringar i lovtekstane for at lova skal bli meir brukarvennleg og lettare å lese enn dagens lov. I vurderingane til departementet omtaler departementet viktige språklege endringar i samband med dei aktuelle paragrafane. Mindre endringar i språket, eller endringar i setningsstrukturen samanlikna med dagens lov, blir ikkje omtalte i proposisjonen.

## 7 Formålet med opplæringslova og verkeområdet til lova

### 7.1 Innleiing

Dette punktet handlar om formålet med opplæringslova og verkeområdet til lova.

### 7.2 Formålet med opplæringslova

#### 7.2.1 Dagens reglar

Opplæringslova inneholder ingen eigen regel om formålet med lova.

#### 7.2.2 Høyringsforslaget

I høyringa foreslo departementet å lovfeste ein eigen paragraf om kva som er formålet med opplæringslova. Forslaget lydde slik: «Lova skal legge til rette for at barn, ungdom og vaksne får god opplæring i eit godt miljø.»

Med dette høyringsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 14.

#### 7.2.3 Høyringsinstansane syn

Det er 15 høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget til ein eigen paragraf om formålet med opplæringslova. Alle desse støttar forslaget og intensjonen bak regelen. Nokre få av høyringsinstansane har forslag til tilføyningar i ordlyden. *Likstillings- og diskrimineringsombodet* meiner det bør komme fram at eit av dei primære formåla i lova er å sørge for ein skole som er inkluderande, og som gir lik tilgang på utdanning for alle uavhengig av til dømes funksjonsevne, etnisitet og kjønn. *Rådet for mennesker med funksjonsnedsettelser i Øvre Eiker kommune* foreslår å foye til at det skal leggjast vekt på at personar med nedsett funksjonsevne ikkje kjenner på utanforskap eller blir utsette for kvardagsdiskriminering.

*Norsk Lektorlag* støttar intensjonen bak regelen om at lova skal legge til rette for at barn, ungdom og vaksne får god opplæring i eit godt miljø, men lektorlaget meiner formuleringane «god» og

«godt» er for vase. *Norsk lektorlag* foreslår derfor å legge til at med «god opplæring» siktar ein til at elevane får nødvendig opplæring av kvalifiserte lærarar i kompetansemåla i læreplanverket, og at eit «godt miljø» for elevane er eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

*Barneombodet* foreslår å byte ut «leggje til rette for» med «sikre». Ombodet viser til at «sikre» er ordet som blir brukt i barnevernslova, som har ein tilsvarende regel.

#### 7.2.4 Departementets vurdering

Departementet foreslår å lovfeste ein eigen paragraf om formålet med lova. Den rettslege betydninga av regelen vil vere avgrensa, og departementet meiner at mål eller rettar som kjem fram av andre reglar i lova, ikkje bør gjentakast i denne innleiande paragrafen. Departementet meiner likevel at lova bør innehalde ein formålsparagraf som gir lesaren ei kortfatta innføring i kva som er det primære formålet med lova, og tener som ei påminning om grunnleggjande omsyn lova byggjer på. Som andre formålsparagrafer verkar denne også inn på utøvinga av skjønn og tolkinga av reglar i lova. Departementet viser også til at det er vanleg å innleie ei lov med ein formålsparagraf, og at både privatskolelova, universitets- og høgskolelova, sosialtenestelova, helse- og omsorgstenevestelova og arbeidsmiljølova har ein slik paragraf.

*Barneombodet* meiner at ordet «sikre» bør brukast i staden fororda «leggje til rette for» i paragrafen. Departementet meiner at uttrykket «leggje til rette for» beskriv det overordna formålet med lova godt, og foreslår å halde på dette uttrykket i paragrafen. Når det gjeld innspela frå *Norsk Lektorlag*, viser departementet til at kva som ligg i formuleringane «god opplæring» og «godt miljø», vil følgje av andre reglar i lova og forskrift om mål og prinsipp for opplæringa. Departementet viser mellom anna til dei foreslalte reglane om skolemiljø i punkt 33 og reglane om kompetansekrav for lærarar i punkt 50.

### 7.2.5 Departementets forslag

Departementet foreslår å lorfeste ein eigen paragraf om kva som er formålet med lova, sjå forslaget til § 1-1.

## 7.3 Verkeområde

### 7.3.1 Dagens reglar

#### Opplæringslova

Verkeområdet til opplæringslova er fastsett i § 1-2. I det første leddet til paragrafen står det: «Lova gjeld grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring i offentlege skolar og lærebedrifter dersom ikkje noko anna er særskilt fastsett.» Det er fastsett at opplæringslova også regulerer tenester som ikkje er opplæring, til dømes skolefritidsordninga i § 13-7, oppfølgingstenesta i § 3-6 og musikk- og kulturskoletilbodet i § 13-6.

I § 1-2 andre ledd er det presisert at lova også gjeld for grunnskoleopplæring i private grunnskolar som ikkje får statstilskot etter privatskolelova, og for privat heimeopplæring i grunnskolen. Lova gjeld også for private vidaregåande skolar når det ligg føre både ein mellomstatleg avtale om dette og ei godkjenning frå departementet. Dette følgjer av opplæringslova § 3-11.

Det er presisert i § 1-2 tredje ledd at kapittel 4A gjeld for opplæring som er spesielt organisert for vaksne, og som kommunen eller fylkeskommunen har ansvaret for.

Opplæringslova gjeld i Noreg dersom ikkje noko anna kjem fram av lova. Det er fastsett i § 1-2 fjerde ledd at departementet kan godkjenne fylkeskommunale vidaregåande skolar i utlandet.

#### Svalbardlova

Etter Svalbardlova § 4 kan Kongen fastsetje forskrifter mellom anna om skoleverket. Ei slik forskrift er gitt i forskrift 17. juni 2022 nr. 1044 om grunnskoleopplæring og videregående opplæring i Longyearbyen. Her er det fastsett kva reglar som gjeld for opplæring i Longyearbyen, inkludert kva reglar i opplæringslova som gjeld for opplæringa. Enkelte reglar er i forskrifta tilpassa dei stadlege forholda på Svalbard.

### 7.3.2 Høyringsforslaget

I høyringa foreslo departementet å vidareføre reglane om verkeområdet til lova, men med fleire forenklingar. Departementet foreslo å ikkje fastse-

tje i paragrafen kva som er det geografiske verkeområdet til lova, fordi det geografiske verkeområdet vil følgje av dei alminnelege prinsippa om verkeområde til lover. Departementet foreslo også å ikkje vidareføre regelen i § 1-2 fjerde ledd om godkjenning av vidaregåande opplæring i utlandet, men i staden å vidareføre regelen i forslaget til § 22-1 andre ledd.

Med dette høyringsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 14.

### 7.3.3 Høyringsinstansanes syn

15 høyringsinstansar har uttalt seg om forslaget til regel om verkeområdet til lova. Alle desse støttar forslaget. *Barneombodet* saknar ein omtale av bruken av lova på Svalbard.

### 7.3.4 Departementets vurdering

Departementet foreslår å vidareføre dagens verkeområde for lova, sjå § 1-2 første ledd. Departementet meiner at lova framleis bør gjelde for all grunnskoleopplæring, vidaregåande opplæring og verksemد knytt til opplæringa. Verksemد knytt til opplæringa er mellom anna skolefritidsordninga og pedagogisk-psykologisk teneste. Lova skal ikkje gjelde for skolar som er godkjende etter privatskolelova.

Departementet meiner at det ikkje er tenleg å fastsetje kva som er det geografiske verkeområdet til lova, det vil seie kvar lova gjeld. Det geografiske verkeområdet følgjer av dei alminnelege prinsippa om verkeområde til lover. Dersom ikkje anna kjem fram av særskilde reglar i lova eller i andre lover, vil ho berre gjelde i Noreg. Det vil seie at lova ikkje gjeld for norske borgarar som buset seg i utlandet. Kva reglar som gjeld på Svalbard, er fastsett i forskrift 17. juni 2022 nr. 1044 om grunnskoleopplæring og videregående opplæring i Longyearbyen, sjå over. Forskrifta fastset mellom anna at ein del reglar i dagens opplæringslov gjeld heilt eller delvis på Svalbard. Når gjeldande opplæringslov blir oppheva, må forskrifta oppdaterast eller erstattast av ei ny, og spørsmålet om rekkjevidda av ny opplæringslov må vurderast. Departementet meiner det er naturleg at forskrifta då blir heimla i ny opplæringslov, og ikkje i Svalbardlova § 4 slik ho er i dag. Dette bidreg til å gjere regelverket lettare tilgjengeleg ved at det blir etablert ei direkte heimelskjede frå opplæringslova til forskrifta. Departementet foreslår derfor å ta inn ein heimel for dette i forslaget til § 1-2 andre ledd.

**7.3.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår å vidareføre reglane om verkeområdet til lova, men med fleire forenklin-

gar, sjå forslaget til § 1-2 første ledd. Departementet foreslår også å ta inn ein heimel for å gi forskrift om bruken av lova for Svalbard, sjå forslaget til § 1-2 andre ledd.

## 8 Formålet med opplæringa

### 8.1 Innleiing

Dette punktet handlar om formålet med opplæringa.

### 8.2 Dagens reglar

Formålet med opplæringa er fastsett i opplæringslova § 1-1. Denne paragrafen tok til å gjelde 1. januar 2009 og inneholder felles formål for grunnskolen og den vidaregående opplæringa. Paragrafen gjeld opplæringa for både elevar, lærlingar, praksisbrevkandidatar, lærekandidatar og kandidatar for fagbrev på jobb. Den gjeld også opplæringa for vaksne deltakarar så langt ho passar, for elevar i private grunnskolar og for barn som får privat grunnskoleopplæring i heimen. Dette følger av opplæringslova §§ 4A-6, 2-12 og 2-13.

Opplæringslova § 1-1 fekk ordlyden sin på bakgrunn av utgreiinga NOU 2007: 6 *Formål for framtidia* og ein avtale som vart inngått mellom alle dei politiske partia på Stortinget 6. november 2008. Avtalen er skriven ned i Innst. O. nr. 22 (2008–2009). Innhaldet i paragrafen om formålet med opplæringa er utdjupa i *Overordnet del – verdier og prinsipp for grunnopplæringen*, som er fastsett i forskrift 1. september 2017 nr. 1332 om utfylling av dei overordna måla og prinsippa for opplæringa i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa.

### 8.3 Høyringsforslaget

I høyringa foreslo departementet å vidareføre reglane om formålet med opplæringa med nokre mindre språklege endringar.

Med dette høyringsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 14.

### 8.4 Høyringsinstansanes syn

Det er 37 høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget om å vidareføre dagens reglar om formå-

let med opplæringa med nokre mindre språklege endringar. Av desse er det elleve som seier eksplisitt at dei støttar forslaget, mellom anna *Fylkeskommunale ombod for barn og unge*, *Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)*, *Utdanningsforbundet*, *Statsforvaltaren i Oslo og Viken* og *Viken fylkeskommune*. *Vestfold og Telemark fylkeskommune* meiner at forslaga til språklege endringar i paragrafen er fornuftige.

Ein god del av høyringsinstansane har forslag til tilføyinger eller andre mindre endringar i loveteksten. *Språkrådet* og *Norskfaggruppene ved Høgskolen på Vestlandet* meiner at regelen om formålet med opplæringa bør innehalde språkpolitiske forpliktingar. Også *Vestland fylkeskommune*, *Høgskulen i Volda*, *Forleggerforeningen* og *Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening* ønsker at regelen skal innehalde eit eksplisitt språkleg formål.

*Likestillings- og diskrimineringsombodet* og *Humanetisk forbund* meiner det er problematisk at formålsregelen viser til kristendom. *Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn* uttaler at det i rådet er ulike meningar om den normative referansen i Grunnlova § 2, og at det følgjeleg er ulike meningar om formuleringa «opplæringa skal bygge på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon» bør førast vidare.

### 8.5 Departementets vurdering

Departementet foreslår å vidareføre dagens reglar om formålet med opplæringa med nokre mindre språklege endringar.

Ifølgje mandatet til opplæringslovutvalet skulle dagens paragraf om formålet med opplæringa vidareførast. Lova skulle få eit klart og godt språk, og utvalet foreslo i NOU 2019: 23 mindre språklege endringar i paragrafen, mellom anna å fjerne enkelte overflødige ord.

Departementet foreslår å følgje opp forslaget opplæringslovutvalet hadde til språklege endringar, som er desse: (1) «tilgjeving» blir endra til tilgiving, (2) «vår felles internasjonale kulturtradisjon» blir endra til den felles internasjonale kultur-

tradisjonen vår, (3) «holdningar» blir endra til haldningars («holdning» er ikkje eit nynorsk ord), (4) «liva sine» blir endra til livet sitt, (5) «for å kunne» står to gonger i dagens femte ledd første punktum og er foreslått sletta fordi det er overflødig, (6) «skole og lærebedrift» i første ledd og «Skolen og lærebedrifa» i sjuande ledd blir strokne fordi orda er overflødige.

Departementet foreslår også å erstatte ordet «lærlingane» med «dei som har lærertid i bedrift», sjå punkt 42.2.2.

I tillegg til forslaga til språklege justeringar som vart sende på høyring, foreslår departementet å slette ordet «vår» i det tredje leddet til paragrafen der det står at «[o]pplæringa skal utvida kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og den felles internasjonale kulturtradisjonen vår». I og med at det står «felles» i same setning, er ordet «vår» overflødig i denne setninga. Departementet foreslår også å endre ordet «òg» til «også» sidan denne språklege endringa blir gjort gjennomgåande i lovforslaget. Sjå § 1-3 andre ledd.

*Språkrådet* og fleire andre høyringsinstansar meiner at paragrafen om formålet med opplæringa bør innehalde språkpolitiske forpliktingar. Departementet meiner at sjølv om fleire av kapitla i lova handlar om språkopplæring, er det ikkje behov for å fastsetje spesifikke språkpolitiske forpliktingar i paragrafen om formålet med opplæringa. Departementet viser til at språklova som hovudregel gjeld for kommunar og fylkeskommunar som skoleeigarar.

Enkelte høyringsinstansar er kritiske til at tilvisinga til *kristen* arv og tradisjon skal vidareførast. Departementet meiner det er viktig at regelen om formålet med opplæringa uttrykkjer eit sett av verdiar som flest mogleg kan slutta opp om uavhengig av religiøs, kulturell eller nasjonal tilknyting. Samtidig skal formålsregelen også gi klart uttrykk for kva for ein etisk, kulturell og religiøs arv som har bidrige og bidreg til å forme samfunnet vårt. Kristen og humanistisk arv og tradisjon er ein viktig del av den samla kulturarven i landet og har spelt ei sentral rolle for utvikling av demokratiet vårt. Med uttrykket «kristen og humanistisk tradisjon» blir den historiske og kulturelle innverknaden som både kristendom og humanisme har hatt på samfunnsutviklinga, anerkjend. «Kristen og humanistisk» som omgrepsspar understrekar at dette er retningar som historisk både har utfylt og korrigert kvarandre. Departementet meiner det er naturleg at regelen om formålet med opplæringa framleis uttrykkjer kva betydning verdiane både i kristen og humanistisk arv og tradisjon har for utforminga av det som er felles verdiar i samfunnet.

## **8.6 Departementets forslag**

---

Departementet foreslår å vidareføre dagens reglar om formålet med opplæringa med enkelte mindre språklege endringar, sjå forslaget til § 1-3.

## 9 Rett og plikt til grunnskoleopplæring

### 9.1 Innleiing

Dette punktet handlar om retten og plikta barn har til grunnskoleopplæring i Noreg. Alle barn i grunnskolealder har både ein rett og ei plikt til grunnskoleopplæring og ein rett til offentleg grunnskoleopplæring. Plikta til å delta i grunnskoleopplæring kan varetakast gjennom (1) offentleg grunnskoleopplæring, (2) opplæring i privat skole godkjend etter § 2-12 eller etter privatskolelova eller ved (3) privat grunnskoleopplæring i heimen. Dette punktet omtaler offentleg grunnskoleopplæring.

Dette punktet handlar også om fritak frå opplæringsplikta, permisjon frå pliktig grunnskoleopplæring, utsett og tidleg skolestart, straffansvaret til foreldra dersom barn ikkje får opplæring, og det såkalla gratisprinsippet i grunnskolen.

Punktet omtaler også vedtak frå Stortinget nr. 197, 12. desember 2018: Fritak frå skolefag.

Stortinget ber regjeringen sørge for at fritak for skolefag ikke blir gitt dersom dette ikke er i overensstemmelse med elev og foresattes ønsker, at fritaket må være faglig begrunnet, og at konsekvensene av et fritak er gjort godt kjent for eleven og foresatte.

### 9.2 Dagens reglar

#### 9.2.1 Grunnlova og Noregs folkerettslege forpliktingar

Barn har rett til å få grunnleggjande utdanning, jf. Grunnlova § 109. I FNs barnekonvensjon artikkel 28 nr. 1 står det følgjande:

Partene anerkjenner barnets rett til utdanning, og med sikte på å oppnå denne rett gradvis og på grunnlag av like muligheter skal de særlig:  
a) gjøre grunnutdanningen obligatorisk og gratis tilgjengelig for alle [...]

#### 9.2.2 Opplæringslova

##### *Rett og plikt til grunnskoleopplæring*

Alle barn i Noreg har rett og plikt til grunnskoleopplæring frå det kalenderåret dei fyller seks år, og til dei har fullført det tiande skoleåret. Plikta kan oppfyllast i ein offentleg skole eller gjennom anna, tilsvarande opplæring. Dette følgjer av opplæringslova § 2-1 første ledd.

Retten til grunnskoleopplæring gjeld når det er sannsynleg at barnet skal vere i Noreg i meir enn tre månader, jf. § 2-1 andre ledd. Retten til grunnskoleopplæring skal oppfyllast så raskt som mogleg og seinast innan éin månad. Kravet gjeld frå det tidspunktet det er sannsynleg at barnet skal vere i landet i meir enn tre månader.

Plikta til grunnskoleopplæring startar når opphaldet har vart i tre månader. Departementet kan gi fritak å denne plikta i særlege tilfelle, til dømes der opphaldet i Noreg berre vil vare kort tid utover tre månader.

Plikta til grunnskoleopplæring i Noreg fell bort dersom eleven oppheld seg utanfor landet i meir enn tre månader. I forarbeida til paragrafen, Prop. 72 L (2015–2016), kap. 7.5, er det presisert at «opplæringsplikta gjeld innanfor tremånadersperioden, og at utanlandsopphold der det ikkje er innvilga permisjon, dermed vil vere ulovlege», og at «tremånadersregelen gjeld [...] uavhengig av den fastsette skoleruta (skoledagar, feriar og fri-dagar)», jf. Prop. 72 L (2015–2016), kapittel 7.5.

Norske borgarar som buset seg i utlandet, har ikkje rett og plikt til grunnskoleopplæring etter norsk lov.

##### *Utsett og tidleg skolestart*

I Noreg startar barn i grunnskolen det kalenderåret dei fyller seks år. Opplæringslova opnar for at barn unntaksvis kan starte på skolen eitt år seinare eller eitt år tidlegare.

Det følgjer av opplæringslova § 2-1 tredje ledd at eit barn har rett til å utsetje skolestarten eitt år dersom det etter sakkunnig vurdering er tvil om barnet har komme tilstrekkeleg langt i utviklinga si til å starte på skolen, og foreldra krev det. Kom-

munen kan i særlege tilfelle vedta å utsetje skolestarten eitt år etter ei sakkunnig vurdering og med samtykke frå foreldra.

I tredje ledd er det også opna for tidlegare skolestart. Her er det fastsett at dersom foreldra sokjer om eller samtykkjer til det, kan kommunane etter sakkunnig vurdering la eit barn byrje på skolen eitt år før når barnet har vorte fem år innan 1. april.

#### *Fritak frå opplæringsplikta*

Etter sakkunnig vurdering og med skriftleg samtykke frå foreldra kan kommunane heilt eller delvis vedta å frita ein elev for opplæringsplikta dersom omsynet til eleven tilseier det. Dette følgjer av opplæringslova § 2-1 fjerde ledd andre punktum. Regelen gjeld ikkje berre elevar med alvorleg nedsett funksjonsevne eller alvorlege sjukdommar, men kan også brukast til å la elevar med stort læringspotensial hoppe over eitt eller fleire trinn. Regelen opnar også for fritak frå delar av opplæringa. Elevar som er fritekne frå opplæringsplikta, har rett til å fullføre den opplæringa dei er fritekne frå, på eit seinare tidspunkt, jf. Ot.prp. nr. 46 (1997–98), s. 153.

I heilt spesielle unntakstilfelle kan også kommunane med samtykke frå foreldra vedta å la ein elev gå eit trinn om igjen eller tilby eit ellevte skoleår til elevar som ikkje har fullført grunnskolen.

#### *Permisjon*

Kommunane kan gi elevar fri frå grunnskoleopplæringa i inntil to veker per permisjon, når det er forsvarleg, jf. opplæringslova § 2-11 første ledd. Kommunane må vurdere om eleven totalt sett får ei forsvarleg grunnskoleopplæring. I denne vurderinga er det relevant å leggje vekt på om eleven får opplæring i permisjonstida. Kva krav som skal stillast til nødvendig opplæring i permisjonstida, må vurderast ut frå kva som er nødvendig i kvart enkelt tilfelle.

Elevar som hører til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skolen dei dagane trussamfunnet deira har heilagdag, jf. opplæringslova § 2-11 andre ledd. Det er eit vilkår for retten at foreldra sørger for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den alminnelege undervisninga etter at permisjonstida er over.

Permisjon etter opplæringslova § 2-11 for kortar retten elevane har til grunnskoleopplæring, tilsvarande.

#### *Straffansvaret til foreldra*

Dersom ein elev er borte frå pliktig opplæring og foreldra er skuld i fråværet, kan foreldra straffast med böter, jf. opplæringslova § 2-1 femte ledd. Regelen omfattar både dei tilfella der foreldra aktivt held barna sine borte frå opplæringa, og der fråværet kjem av at foreldra er passive. Foreldra kan ikkje straffast dersom årsaka til fråværet ikkje er manglande aktivitet frå foreldra, men kjem av andre utanforliggende forhold, til dømes sjukdom. Det same gjeld dersom foreldra har vore uvitande om fråværet og ikkje kan klandrast for å ha vore aktlaus.

#### *Gratisprinsippet*

Elevane har rett til gratis offentleg grunnskoleopplæring, jf. opplæringslova § 2-15. Kommunane kan ikkje kreve at elevane eller foreldra dekkjer utgifter i samband med grunnskoleopplæringa, til dømes utgifter til undervisningsmateriell, transport i skoletida, leirskoleoppdrag, ekskursjonar eller andre turar som er ein del av grunnskoleopplæringa.

Regelen står ikkje i vegen for at skolen kan ta imot gaver. Gåver og andre bidrag må likevel vere reelt frivillige. Verken elevar eller foreldre må kjenne seg pressa til å bidra økonomisk, og gåvene kan ikkje øyremerkjast bestemte elevar.

### **9.3 Høyningsforslaget**

I høyringa foreslo departementet

- å vidareføre retten til grunnskoleopplæring
- å vidareføre plikta til grunnskoleopplæring og å presisere korleis plikta kan oppfyllast
- å i all hovudsak vidareføre høvet til fritak frå opplæringsplikta. Det skal framleis krevjast sakkunnig vurdering. Det blir presisert kva fritak frå opplæringsplikta kan gå ut på, og at elevar som har fått fritak, ikkje mistar retten til den opplæringa dei har fått fritak frå
- å vidareføre at kommunen kan gi ein elev permisjon frå opplæringa dersom eleven samla sett får ei opplæring som er forsvarleg. Dagens grense på to veker blir ikkje vidareført. Det blir innført ei plikt for kommunen til å gi forskrift om permisjon
- å vidareføre retten til permisjon når andre trussamfunn har heilagdag
- å opne for tidleg skolestart når det ligg føre særlege grunnar, og for utsett skolestart dersom gode grunnar taler for det. Kravet om sak-

kunnig vurdering blir ikkje vidareført. I vurderingane skal kommunen særleg legge vekt på føresetnadene barnet har for å oppnå sosial tilhørsel og læring

- å vidareføre retten til gratis grunnskoleopplæring
- å vidareføre straffansvaret til foreldra

Departementet følgde med dette høyningsforslaget i all hovudsak opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 23. Forslaget i høyringa om å innføre ei plikt for kommunen til å gi forskrift om permisjon var nytt samanlikna med forslaget frå utvalet som berre foreslo å opne for at kommunen kunne gi slik forskrift. Departementet følgde heller ikkje opp forslaget frå utvalet om å ta bort kravet til sakkunnig vurdering ved vedtak om fritak frå opplæringsplikta.

#### **9.4 Høyningsinstansanes syn**

Det er om lag 20 høyningsinstansar som har uttalt seg om forslaga knytte til rett og plikt til grunnskoleopplæring.

Det er 13 høyningsinstansar som uttaler at dei støttar ei vidareføring og presisering av retten og plikta til grunnskoleopplæring. Blant desse er *Statsforvaltaren i Agder*, *Statsforvaltaren i Vestland*, *Rogaland fylkeskommune*, fleire kommunar og *FUG*. Ingen instansar gir uttrykk for at dei ikkje støttar ei vidareføring og presisering av reglane.

Mange høyningsinstansar støttar at fritak frå opplæringsplikta blir vidareført. Det er 21 instansar som har uttalt seg om dette forslaget, og 19 av desse støttar eller delvis støttar forslaget, irekna *Statsforvaltaren i Vestland*, fleire kommunar, *Dysleksi Norge*, *FUG* og *Redd barna*. Fleire høyningsinstansar viser til at det er viktig at det framleis er krav om sakkunnig vurdering i saker om fritak frå opplæringsplikta, og at terskelen for fritak bør vere høg. *Vestfold og Telemark fylkeskommune* og *Nordland fylkeskommune* støttar ikkje forslaget og viser til at elevar ikkje bør kunne fritakast frå grunnskoleopplæring.

Når det gjeld forslaget om å ikkje lenger ha ei grense for permisjon på to veker, er det elleve høyningsinstansar som støttar forslaget, og tre som ikkje støttar. Blant dei som støttar forslaget, er *Statsforvaltaren i Agder*, *Statsforvaltaren i Trøndelag*, *Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark*, fleire kommunar og *FUG*.

*Statsforvaltaren i Vestland*, *Evje og Hornes kommune* og *Oslo kommune* støttar ikkje forslaget.

*Evje og Hornes kommune* meiner det framleis bør stå i lova kor lenge ein elev kan få permisjon. *Oslo kommune* skriv i høyningsinnspelet sitt:

Ved å fjerne den øvre grensen for sammenhengende permisjon, står man i fare for å sette andre elevers rett til plass på nærskolen til side, ved at elever opptar en plass på skolen uten at de faktisk mottar opplæring. Videre vil en åpning for at kommunene kan ha et regelverk som innvilger mer enn 10 sammenhengende skoledager permisjon, gjøre det vanskeligere å sette en grense for hva som er forsvarlig. Vi mener den øvre grensen for permisjon på 10 sammenhengende skoledager bør beholdes. Foresatte må gjøres ansvarlig for vurderingen av at noe annet er viktigere enn å være på skolen.

Til forslaget om å endre vilkåra for tidleg og utsett skolestart har det komme om lag 20 høyningsinnspel. Høyringa av desse forslaga må sjåast i samanheng med innspela som kom til forslaget om å ta bort kravet til sakkunnig vurdering for desse vedtaka. Dette er omtalt i punkt 24 om PP-tenesta. Eit fleirtal av høyningsinstansane er imot å ta bort krava til sakkunnig vurdering for desse vedtaka.

Til forslaget om at kommunen kan innvilge utsett skolestart dersom gode grunnar taler for det, er det fire instansar som støttar, og seks som ikkje støttar. Blant dei som støttar eller delvis støttar forslaget, er *Oslo kommune*, *Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark*, *Statsforvaltaren i Agder* og *Prematurforeningen*. *Prematurforeningen* skriv i høyningsinnspelet sitt at det er positivt at terskelen blir senka, og at det bør takast omsyn til at nokre premature barn er fødde i «feil årskull». *Statsforvaltaren i Agder* viser til at det bør vere meir konkrete vurderingskriterium.

Blant dei som ikkje støttar forslaget, er *Redd Barna*, *Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning*, *FUG*, *Statsforvaltaren i Vestland*, *Statsforvaltaren i Rogaland* og *Lunner kommune*. Det blir peika på at den foreslattede ordlyden for utsett skolestart er lite konkret, og at vilkåra for utsett skolestart bør vere som i dag. *Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning* meiner at ein risikerer at mange fleire får utsett skolestart, og at det er tvilsamt om det er bra for kvart enkelt barn og samfunnsøkonomisk lønnsamt.

Det er fem høyningsinstansar som heilt eller delvis støttar forslaget om at kommunen kan innvilge tidleg skolestart når det ligg føre særlege grunnar, og å ta bort kravet om at barnet må vere

fylt fem år innan 1. april. Det er seks høyringsinnsstansar som ikkje støttar dette forslaget.

Blant dei som heilt eller delvis støttar forslaget, er *Utdanningsdirektoratet, Statsforvaltaren i Agder, Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, Oslo kommune og Lykkelige barn.*

*Utdanningsdirektoratet* skriv i høyringsinnspelet sitt at det må komme klart fram kva som inngår i vurderinga for tidleg skolestart. Det kan ikkje berre vere vurderinga som foreldra gjer av barnet, og det må komme tydeleg fram at vurderinga må byggje på fagleg-pedagogisk erfaring og kunnskap. *Statsforvaltaren i Agder* viser til at det bør vere meir konkrete vurderingskriterium. Dei som ikkje støttar dette forslaget, er *Statped, Redd Barna, FUG, Moss kommune og Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning.*

Det har ikkje komme konkrete høyringsinnspelet til forslaga om å vidareføre retten til gratis grunnskoleopplæring og å vidareføre straffansvaret til foreldra.

## 9.5 Departementets vurdering

### 9.5.1 Inndeling av reglane

Departementet foreslår å ha éin paragraf om rett til grunnskoleopplæring, éin om plikt til grunnskoleopplæring og éin om tidleg og utsett skolestart. Denne inndelinga får godt fram kven som har rett og plikt til grunnskoleopplæring, og når retten og plikta tek til å gjelde.

Departementet foreslår at reglane om fritak frå opplæringa og permisjon frå grunnskoleopplæringa blir lovfesta i same paragrafen som plikta til grunnskoleopplæring. På den måten kjem det tydeleg fram av lova at høvet til både fritak og permisjon er unntak frå plikta til grunnskoleopplæring. Dette vil gjere at alle unntaka frå plikta til grunnskoleopplæring blir samla i éin paragraf.

Vidare foreslår departementet å regulere retten til gratis offentleg grunnskoleopplæring og straffansvaret til foreldra i kvar sine paragrafar.

### 9.5.2 Retten til grunnskoleopplæring

Departementet foreslår å vidareføre at retten til offentleg grunnskoleopplæring skal gjelde frå det året barn fyller seks år, til dei har avslutta det 10. trinnet.

Departementet foreslår også å vidareføre at retten til grunnskoleopplæring skal gjelde når det er sannsynleg at barnet skal vere i Noreg i meir enn tre månader i samanheng, og at retten skal oppfyllast så raskt som mogleg og seinast innan

éin månad. Det vidareførast også at barn som kjem til Noreg, skal plasserast på det trinnet som passar med alderen. Kommunen kan gjere unntak der ei konkret vurdering viser at barnet bør plasserast på eit lågare trinn. I slike tilfelle bør kommunane rettleie om og gi eleven denne moglegheita. For plassering på eit høgare trinn vil reglane i forslaget til § 2-2 tredje ledd gjelde.

Departementet foreslår å ikke vidareføre dagens opplæringslov § 2-1 første ledd første punktum, der det er presisert at grunnskoleopplæringa skal vere «i samsvar med denne lova og tilhøyrande forskrifter». Departementet meiner, som også påpeika av opplæringslovutvalet, at dette er ei unødvendig presisering.

### 9.5.3 Plikta til grunnskoleopplæring

Departementet foreslår å vidareføre dagens reglar om at barn har plikt til grunnskoleopplæring frå det året dei fyller seks år, til dei har avslutta det 10. trinnet. Vidare foreslår departementet å vidareføre regelen om at eit barn skal ha plikt til grunnskoleopplæring når barnet har vore i Noreg i tre månader, og at plikta fell bort når barnet oppheld seg utanfor Noreg i tre månader.

Departementet foreslår at det står eksplisitt i lova på kva måtar plikta til grunnskoleopplæring kan oppfyllast. Plikta kan anten gjennomførast i offentleg skole, privat skole som er godkjend etter forslag til § 22-1 eller privatskolelova, eller i form av privat grunnskoleopplæring i heimen, sjá forslag til § 22-5.

### 9.5.4 Fritak frå opplæringsplikta

Departementet foreslår at opplæringslova framleis skal opne for fritak frå opplæringsplikta, og å vidareføre terskelen og vilkåra for når kommunen kan gi fritak. Kommunen kan frita ein elev heilt eller delvis frå opplæringsplikta dersom omsynet til eleven tilseier det, foreldra samtykkjer og det ligg føre ei sakunnig vurdering.

Fritak frå opplæringsplikta kan til dømes vere at eleven får «fritak frå delar av skoleveka» og «eitt eller fleire av skoleåra». Det første dømet kan vere aktuelt der eleven er sjuk, eller der eleven av andre grunnar ikkje er i stand til å ha opplæring kvar dag eller heile skoledagar. Det siste dømet viser til at elevar kan hoppe over trinn, det vil seie at eleven kan gjennomføre grunnskolen på kortare tid enn ti år.

Departementet foreslår at dagens § 2-1 andre ledd siste punktum, om at departementet kan inn-

vilge fritak frå opplæringsplikta i særlege tilfelle, ikkje blir vidareført. I forarbeida til regelen er det lagt til grunn at fritak til dømes kan vere aktuelt «når det er klart at opphaldet [i Noreg] berre varer ei kort tid ut over tre månader, slik at opplæringsperioden berre kan bli kortvarig», jf. Ot.prp. nr. 46 (1997–98) merknad til § 2-1 andre ledd. Departementet meiner, som også opplæringslovutvalet påpeika, at det i slike tilfelle vil vere lite tenleg for barnet å starte skolegangen i Noreg. Departementet er ikkje kjent med at det har vore gitt fritak etter denne regelen. Dersom det skulle vere aktuelt, bør avgjerala takast av den kommunen der barnet oppheld seg. Departementet foreslår derfor å ikkje vidareføre § 2-1 andre ledd siste punktum i den nye opplæringslova.

Elevar som blir fritekne for opplæringsplikta, mistar ikkje opplæringsretten. Dei har altså rett til å komme tilbake for å fullføre grunnskolen seinare, jf. Ot.prp. nr. 46 (1997–98) merknad til § 2-1. Departementet foreslår at dette blir presisert i lova.

I 2019 gjorde Stortinget følgjande vedtak:

Vedtak nr. 197, 12. desember 2018: Fritak frå skolefag

Stortinget ber regjeringen sørge for at fritak for skolefag ikke blir gitt dersom dette ikke er i overenstemmelse med elev og foresattes ønsker, at fritaket må være faglig begrunnet, og at konsekvensene av et fritak er gjort godt kjent for eleven og foresatte.

Departementet foreslår ein eigen paragraf i opplæringslova om at det beste for eleven skal vere eit grunnleggjande omsyn ved handlingar og avgjerner som vedkjem elevar, sjá forslag til § 10-1. Omsynet til eleven sjølv vil vere ein avgjerande føresetnad når eit fritak skal vurderast. Departementet foreslår også å lovfeste retten eleven har til å bli høyrd, sjá forslag til § 10-2, og å vidareføre dagens regel om at skolen skal samarbeide med foreldra, sjá forslag til § 10-3. Slik departementet vurderer det, er det ikkje behov for ytterlegare justeringar av reglane for fritak for å oppfylle Stortings vedtak.

I dag er det krav om sakkunnig vurdering frå den pedagogisk-psykologiske tenesta (PP-tenesta) for vedtak om fritak frå opplæringsplikta, og departementet foreslår å vidareføre dette. Sjá meir om vurderinga til departementet av dette i punkt 27 om PP-tenesta.

### 9.5.5 Permisjon frå pliktig grunnskoleopplæring

#### *Vilkår om «samla sett forsvarleg opplæring»*

Departementet foreslår at lova framleis skal opne for at elevar kan givast permisjon frå grunnskoleopplæringa der kommunen meiner det er forsvarleg. For å vurdere kva som er forsvarleg, må det leggjast vekt på læringsutbyttet til eleven, kva som skal skje på skolen i permisjonstida, til dømes om det er nasjonale prøvar eller andre prøvar, og om foreldra vil sørge for eigna opplæring i permisjonstida. I tillegg må ein vurdere kva som er det beste for eleven, og kva eleven sjølv meiner.

Departementet foreslår at det blir presisert i lova at permisjon berre kan givast dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg. Dette er ei presisering av dagens reglar.

#### *Kommunane avgjer kor lenge ein elev kan få permisjon*

Departementet foreslår å ikkje vidareføre regelen om at ein elev berre kan få permisjon i inntil to veker om gongen. Departementet meiner at det bør vere opp til kvar enkelt kommune å vurdere kor lang permisjon ein elev kan få.

Kravet i lova om ei samla sett forsvarleg opplæring vil i seg sjølv setje ei grense for kor mange og kor lange permisjonar kvar enkelt elev kan få. Forslaget inneber at kommunane elles vil stå fritt til sjølv å fastsetje ei øvre grense for lengda og talet på permisjonane. Kommunen avgjer om det skal givast permisjon til dømes dersom familien ønsker å ta ferie, eller dersom eleven ønsker å delta på treningssamlingar utanom helgar og feriedagane til skolen. Ein kommune kan framleis avslå ein søknad om permisjon sjølv om det er forsvarleg å gi permisjon dei skoledagane det blir søkt om. Kommunar som ønsker det, kan framleis ha ei øvre grense for permisjon på to veker i dei lokale forskriftene sine.

#### *Krav om at kommunen fastset lokale forskrifter om permisjon*

I dag er det fleire kommunar som har fastsett retningslinjer for å behandle permisjonssøknader i kommunale eller lokale permisjonsreglement. Når det foreslås å ta ut dei nasjonale reglane som fastset kor lang permisjon kvar enkelt elev kan få, vil det vere opp til kvar kommune å bestemme kva permisjonspraksis kommunen skal ha. Departementet meiner det er uheldig dersom det er ulik praksis for permisjon mellom skolane i same kom-

mune. Reglane for permisjon i kvar enkelt kommune bør derfor fastsetjast i forskrift.

Lokale forskrifter gjer det meir føreseieleg for dei som skal søkje om permisjon, og gjer reglane meir tilgjengelege. Forskrifter skal kunngjera i Norsk Lovtidend, jf. forvaltningslova § 38 første ledd bokstav c. Rett nok er det ikkje gunstig å påleggje kommunane å lage fleire forskrifter enn nødvendig for å utfylle nasjonalt regelverk, men utan nasjonale reglar om dette kan det utvikle seg ulik praksis for å innvilge permisjon mellom skolane i same kommune. Det vil vere lite føreseieleg for elevar og foreldre. Departementet foreslår derfor å lovfeste at kommunane skal vedta lokale forskrifter om permisjon.

#### *Rett til permisjon ved religiøse heilagdagar*

Departementet foreslår å vidareføre retten til permisjon for å feire religiøse heilagdagar hos andre trussamfunn enn Den norske kyrkja. Etter forslaget vil eleven, som i dag, ha rett til permisjon på heilagdagar når vilkåret om nødvendig opplæring i permisjonstida er oppfylt. Elevane har rett til permisjon på alle heilagdagane innanfor det trussamfunnet dei tilhører. Det er ikkje eit krav at eleven er medlem av eit anna trussamfunn. Det er nok at det ligg føre ei viss tilknyting til eit anna trussamfunn, til dømes at eleven ønskjer å feire heilagdagen saman med nær familie som er medlem av dette trussamfunnet. Denne retten gjeld ikkje feiring av nasjonale høgtidsdagar og liknande.

#### **9.5.6 Utsett og tidleg skolestart**

Departementet meiner at dei aller fleste barn skal byrje på skolen det kalenderåret dei fyller seks år, og at det i utgangspunktet vil vere til det beste for barnet. Departementet meiner likevel at lova framleis bør opne for at barn unntaksvise kan starte på skolen eitt år seinare eller eitt år tidlegare.

Departementet foreslår å vidareføre kravet til sakkunnig vurdering frå PP-tenesta for vedtak om tidleg og utsett skolestart, sjå omtale og vurderinga til departementet i punkt 27.5.2.

Departementet foreslår å vidareføre dagens regel om at kommunen skal la eit barn få utsetje skolestarten med eitt år dersom det etter sakkunnig vurdering er tvil om barnet har komme tilstrekeleg langt i utviklinga si til å starte på skolen, og foreldra krev det eller samtykkjer.

Kommunen må, basert på vurderinga til PP-tenesta, avgjere om det er tvil om barnet bør byrje

på skolen. Foreldra kan i tillegg innhente eiga sakkunnig vurdering, og i så fall må kommunen også ta omsyn til vurderinga. Ettersom departementet foreslår å vidareføre kravet til sakkunnig vurdering, er det ikkje nødvendig med nye vilkår slik som foreslått i høyringa.

Departementet foreslår at kommunen kan innvilge tidleg skolestart dersom foreldra søker om det eller samtykkjer og ei sakkunnig vurdering viser at det er forsvarleg at barnet startar på skolen eitt år tidlegare. Som ved utsett skolestart er det PP-tenesta som skal utarbeide vurderinga, og foreldra har moglegheit til å innhente ein eigen sakkunnig uttale. Det skal vere høgare terskel for å få innvilga tidleg skolestart enn å få innvilga utsett skolestart. Ettersom departementet foreslår å vidareføre kravet til sakkunnig vurdering, er det ikkje nødvendig med nye vilkår slik som foreslått i høyringa.

Departementet foreslår å ta bort det eksplisitte kravet om at barnet må vere fylt fem år innan 1. april. Det er ikkje gitt ei grunngiving for dato i forarbeida til paragrafen. Departementet påpeikar at fødselsdatoen til barnet uansett vil ha noko å seie i den vurderinga kommunen må gjere. Jo seinare barnet er fødd på året, desto mindre sannsynleg er det at det vil vere forsvarleg eller til det beste for barnet å byrje på skolen eitt år tidlegare.

#### **9.5.7 Gratisprinsippet**

Departementet foreslår å vidareføre reglane om retten til gratis offentleg grunnskoleopplæring med nokre språklege endringar. Gratisprinsippet inneber at verken elevane sjølv eller foreldra deira skal betale noko for å gå i grunnskolen. Det er ingen avgrensingar i kravet om at grunnskoletilbodet skal vere gratis. Alle delar av grunnskoleopplæringa skal vere gratis. Gratisprinsippet skal sikre alle barn like høve til å delta i alle aktivitetar i grunnskoleopplæringa, uavhengig av økonomien til foreldra.

Turar som er ein del av opplæringa, skal vere gratis for elevar. Skolane har lov til å ta imot gåver frå foreldre eller andre, til dømes pengegåver, utstyr eller dognadsinnsats. Slike gåver må vere reelt frivillige. Dersom det blir brukt klassekasser, bør det sørkjast for anonymitet ved innsamlinga, slik at bidraget frå den enkelte ikkje blir kjent. Alle elevar må dessutan få tilbod om å vere med på dei same aktivitetane, uavhengig av om foreldra deira har medverka med gåver eller ikkje.

### 9.5.8 Straffansvaret til foreldra

Departementet foreslår å vidareføre reglane om straffansvar for brot på opplæringsplikta. Reglane inneber at dersom eleven er borte frå pliktig opplæring og foreldra er skuld i fråværet, kan foreldra straffast med bøter. Dette gjeld både når fråværet kjem av manglende aktivitet frå foreldra, og når foreldra aktivt har halde barna heime, jf. Ot.prp. nr. 46 (1997–98), s. 31 og 35, og NOU 1995: 18, s. 93. Likestilt med foreldra er andre som har dagleg omsorg for barnet.

Foreldra kan ikkje bøteleggjast når fråværet er lovleg, til dømes ved sjukdom eller permisjon.

## 9.6 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å vidareføre retten til grunnskoleopplæring, sjå forslaget til § 2-1 første ledd
- å vidareføre at retten til grunnskoleopplæring skal gjelde når det er sannsynleg at barnet skal vere i Noreg i meir enn tre månader i samanheng, og at retten skal oppfyllast så raskt som mogleg og seinast innan éin månad, sjå forslaget til § 2-1 andre ledd første og andre punktum
- å vidareføre at barn som kjem til Noreg, skal plasserast på det trinnet som passar med alde-

ren, men at kommunen kan gjere unntak der ei konkret vurdering viser at barnet bør plasserast på eit lågare trinn, sjå forslaget til § 2-1 andre ledd, tredje og punktum

- å vidareføre plikta til grunnskoleopplæring og å presisere korleis plikta kan oppfyllast, sjå forslaget til § 2-2 første og andre ledd
- å i all hovudsak vidareføre høvet til fritak frå opplæringsplikta. Det skal framleis krevjast sakkunnig vurdering. Det blir presisert i lova at elevar som har fått fritak, ikkje mistar retten til den opplæringa dei har fått fritak frå, sjå forslaget til § 2-2 tredje ledd
- å vidareføre at kommunen kan gi ein elev permisjon frå opplæringa dersom eleven samla sett får ei opplæring som er forsvarleg. Kommunen skal gi forskrift om permisjon, sjå forslaget til § 2-2 fjerde ledd
- å vidareføre retten til permisjon når andre trus-samfunn har heilagdag, sjå forslaget til § 2-2 femte ledd
- å vidareføre at lova opnar for utsett og tidleg skolestart, og at det skal vere krav om sakkunnig vurdering for slike vedtak, sjå forslaget til § 2-4
- å vidareføre retten til gratis grunnskoleopplæring, sjå forslaget til § 2-5
- å vidareføre straffansvar for brot på opplæringsplikta, sjå forslaget til § 2-7

## 10 Det beste for eleven

### 10.1 Innleiing

Dette punktet handlar om prinsippet om det beste for barnet og eleven. Departementet vurderer om, og i så fall korleis, prinsippet om det beste for barnet bør regulerast i opplæringslova, og om prinsippet også skal gjelde elevar som har vorte 18 år. Regulering av retten til å bli høyrt blir behandla i punkt 21 om medverknaden til elevane og sjølvråderett for dei over 15 år.

Punktet omtaler også Stortingets vedtak nr. 1017 av 27. mai 2021 om opplæringslova, barnehagelova og FNs barnekonvensjon:

Stortinget ber regjeringa sikre at ny opplæringslov og barnehagelov er i tråd med FNs barnekonvensjon sine grunnleggjande rettar for framgangsmåte om barns rett til informasjon, til å uttale seg fritt, barns rett til privatliv og at alle handlingar og avgjerder som omhandlar barn, blir gjorde til barnets beste.

### 10.2 Dagens reglar

#### 10.2.1 Grunnlova og Noregs internasjonale forpliktingar

Prinsippet om det beste for barnet er eit av dei mest sentrale rettslege prinsippa som handlar om barn. Det inneber at kva som er best for barnet, skal vere eit grunnleggjande omsyn ved både offentlege og private avgjerder. Det er nær samanheng mellom prinsippet om det beste for barnet og retten barn har til å bli høyrt. Menneskerettsutvalet la til grunn at prinsippet om det beste for barnet kan forståast i «en naturlig forlengelse av barnets rett til medbestemmelse, der barnets mening skal tillegges vekt», sjå Dokument 16 (2011–2012), side 192.

Grunnlova § 104 andre ledd slår fast:

Ved handlingar og i avgjerder som vedkjem born, skal kva som er best for barnet, vere eit grunnleggjande omsyn.

Paragrafen svarer til FNs konvensjon om rettane til barnet (barnekonvensjonen) artikkel 3 nr. 1, som lyder slik:

Ved alle handlingar som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsorganisasjoner, domstoler, administrative myndigheter eller lovgivende organer, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn.

Gjennom menneskerettslova er barnekonvensjonen norsk lov. Ved motstrid skal barnekonvensjonen gå føre andre norske lover, jf. menneskerettslova § 3.

#### 10.2.2 Opplæringslova

Opplæringslova vi har i dag, har inga generell regulering av prinsippet om det beste for barnet, men lova har seks lovreglar som uttrykkjeleg har det beste for eleven som eit vurderingstema:

- Intensiv opplæring på 1. til 4. trinn kan i ein kort periode givast som eineundervisning der som «omsynet til eleven sitt beste talar for det», jf. § 1-4 andre punktum.
- Fritak frå opplæringsplikta kan innvilgast etter sakkunnig vurdering dersom foreldra samtykkjer og omsynet til eleven tilseier det, jf. § 2-1 fjerde ledd.
- I arbeidet skolen gjer for eit trygt og godt psykososialt skolemiljø, skal kva som er best for elevane vere eit grunnleggjande omsyn, jf. § 9 A-4 femte ledd. Tilsvarande skal kva som er best for elevane, vere eit grunnleggjande omsyn i saksbehandlinga til statsforvaltaren, jf. § 9 A-6 tredje ledd.
- Særskild språkopplæring for nykomne elevar i høvesvis grunnskolen og den vidaregåande opplæringa kan organisera i eigne grupper, men berre dersom «dette er rekna å vere til beste for eleven», jf. femte ledd i §§ 2-8 og 3-12.

## 10.3 Høyringsforslaget

Departementet foreslo

- å lovfeste prinsippet om det beste for barnet i ein eigen og generell paragraf om det beste for eleven
- at prinsippet skal ha ein vidare bruk enn Grunnlova og barnekonvensjonen, ved at det skal gjelde for alle elevar, også elevar som har fylt 18 år

Med dette høyringsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 18.

## 10.4 Høyringsinstansanes syn

### 10.4.1 Lovfeste prinsippet om det beste for barnet i ein eigen og generell paragraf om det beste for eleven

Forslaget om å lovfeste prinsippet om det beste for barnet i ein eigen og generell paragraf om det beste for eleven, fekk brei støtte i høyringa. 74 høyringsinstansar har uttalt seg, og av desse støttar 73 forslaget om å lovfeste prinsippet i opplæringslova. Blant desse er *Barneombodet*, *Norges institusjon for menneskerettigheter*, ei rekke statsforvaltarar, fylkeskommunar og kommunar, *Elevorganisasjonen*, *Norsk Lektorlag*, *Skolelederforbundet* og *Utdanningsforbundet*.

*Barneombodet* viser til at barna er hovudpersonane i skolen, og at regelverket for skolen og opplæringa bør synleggjere dei grunnleggjande rettane til barna. Ombodet støttar at det blir innført ein generell regel om det beste for barnet, og viser til at det då ikkje er nødvendig å gjenta krapet i dei enkelte paragrafane.

*Norges institusjon for menneskerettigheter* viser til at synleggjering av omsynet til det beste for barnet er i tråd med tilrådingar frå FNs komité for rettane til personar med nedsett funksjonsevne og FNs barnekomité.

Fleire høyringsinstansar meiner at regelen bør plasserast i eit av dei innleiande kapitla, for å gjere tydeleg kor sentral paragrafen er, og gjere prinsippet meir synleg. Dette gjeld mellom anna *Viken fylkeskommune*, *Utdanningsdirektoratet* og *Redd Barna*. *Redd Barna* er bekymra for at høyringsforslaget om å plassere regelen i kapittel 10 fører til at han ikkje vil bli vareteken i alle relevante saker.

*UNICEF Norge* meiner at det faktumet at regelen er foreslått plassert i kapittel 10 framfor kapittel 1, inneber ei enorm svekking av implementeringa av barn sine rettar i foreslått opplæringslov,

og at plasseringa ikkje er i tråd med FNs barnekonvensjon. Prinsippet om det beste for eleven må slik organisasjonen oppfattar det, komme innleatingsvis for å gjere det tydeleg at regelen gjeld som overordna prinsipp for heile lova.

### 10.4.2 Prinsippet om det beste for eleven skal også gjelda for elevar over 18 år

30 av dei 32 høyringsinstansane som har uttalt seg om forslaget om at prinsippet også skal gjelde for elevar over 18 år, støttar forslaget. To høyringsinstansar støttar ikkje forslaget.

Blant høyringsinstansane som støttar forslaget, er *Utdanningsforbundet*, *Skolelederforbundet*, *Norges institusjon for menneskerettigheter*, *Foreldreutvalet for grunnopplæringa*, *Barneombodet*, *Redd Barna* og dessutan fleire statsforvaltarar, kommunar og fylkeskommunar. Fleire høyringsinstansar, mellom anna *Redd Barna* og *Barneombodet*, trekkjer fram at forslaget sikrar likebehandling av alle elevar i grunnskolen og den vidaregående skolen.

*Nordland fylkeskommune* meiner at prinsippet også må gjelde for lærlingar og vaksne deltagarar over 18 år, i tillegg til elevar over 18 år.

*Norsk Lektorlag* og *Blå Kors* er skeptiske til å gi prinsippet større bruksområde enn barnekonvensjonen, ved at elevar over 18 år blir inkluderte. *Blå Kors* meiner at forslaget går uforholdsmessig mykje lenger enn det menneskerettane gir grunnlag for, og at forslaget ikkje anerkjenner at skolane og kommunane ofte må ta avgjerder baserte på heilskapsvurderingar. *Norsk Lektorlag* peikar på at ei utviding av prinsippet om det beste for barnet utover det som følgjer av barnekonvensjonen og Grunnlova, kan vere spesielt problematisk når det skal takast grunnleggjande omsyn til kva som er best for ein enkelt elev, men som kan gå ut over (andre) elevar, læringsfellesskapet eller klassemiljøet.

### 10.4.3 Utarbeide rettleiing eller konkretisere prinsippet i lov eller forskrift

Fleire av høyringsinstansane trekkjer fram at det bør utarbeidast ei rettleiing til regelen med sentrale moment for å gjere det tydeleg kva som er meint med det beste for eleven. Blant desse er *Barneombodet*, *Rogaland fylkeskommune*, *Viken fylkeskommune*, *Elevorganisasjonen*, *Foreldreutvalet for grunnopplæringa*, *Norsk Lektorlag* og *Utdanningsforbundet*.

*Barneombodet* er positiv til at departementet meiner det er behov for ei praktisk rettleiing om

kva omsynet til det beste for barnet vil seie. Denne rettleiinga må, slik ombodet ser det, ta utgangspunkt i momentlista i *Generell kommentar nr. 14 (2013) om barnets rett til at hans eller hennes beste skal være et grunnleggende hensyn* frå FNs barnekomité, som utbroderer barnekonvensjonen artikkel 3 nr. 1 om det beste for barnet, og utdjupe kva som ligg i desse momenta, og korleis ei slik vurdering bør gjennomførast. I tillegg meiner *Barneombodet* at det er viktig å prioritere kompetanseheving på dette feltet.

*Viken fylkeskommune* støttar vurderinga til departementet om at lova ikkje skal gi føringar for korleis det beste for barnet skal vurderast, men understrekar at det er behov for ei praktisk rettleiing.

*Oslo kommune* deler oppfatninga til Barneombodet og viser til at barnekomiteen i den siste tilbakemeldinga si til Noreg har påpeika at det bør utarbeidast moment/kriterium som skal vere ein del av vurderinga. Kommunen kommenterer at det er mest naturleg at momenta blir konkretiserte gjennom rettleiingar eller eventuelt i forskrift.

Erfaringa til *Redd Barna* er at mange skolar, rektorar og skoleeigarar berre ser på dei reglane i lova som er aktuelle når dei bruker lovverket, til dømes om retten elevar har til spesialundervisning, og retten elevar har til eit trygt og godt skolemiljø, og meiner at det er behov for ei lett tilgjengeleg og tydeleg rettleiing på nettsidene til Utdanningsdirektoratet. Rettleiinga må vise klart og tydeleg korleis det beste for barnet og retten barnet har til å bli høyrt, skal gjennomsyre virket og praksisen til skolen på alle nivå, i alle utval og i alle saker som gjeld elevane.

Enkelte høyringsinstansar, mellom anna *Norsk Forbund for Utviklingshemmede* og *Samarbeidsforumet av Funksjonshemmedes Organisasjoner*, meiner at det ikkje er tilstrekkeleg å gi rettleiing om regelen. Desse organisasjonane meiner at innhaldet bør presiserast i lovtekst eller forskrift framfor i ei rettleiing.

*Statped* meiner at paragrafen bør innehalde ein forskriftsheimel for å konkretisere pliktene i paragrafen.

*Redd Barna* saknar ei konkretisering i paragrafen av kva kriterium som skal inngå i det beste for barnet-vurderingane, og tilrår at lovteksten gjer tydeleg kva moment som inngår i vurderinga av det beste for barnet.

## 10.5 Departementets vurdering

### 10.5.1 Lovfeste prinsippet om det beste for barnet

Departementet foreslår å lovfeste prinsippet om det beste for barnet i ein eigen og generell paragraf om det beste for eleven. Rettane som følgjer av Grunnlova og barnekonvensjonen i dag, er ikkje synlege i ein eigen paragraf i dagens opplæringslov. Det beste for barnet skal vere ein del av langt fleire vurderingar i skolen enn det som kjem fram direkte av dagens opplæringslov. Det beste for barnet er eit grunnleggjande prinsipp som, i tillegg til å vere godt kjent for tilsette i kommunane, fylkeskommunane og skolane, bør vere godt kjent for elevar og foreldre.

I utgangspunktet inneber ei lovfesting av prinsippet om det beste for barnet i ny opplæringslov ei dobbeltregulering med barnekonvensjonen artikkel 3 nr. 1 og Grunnlova § 104. I samsvar med retningslinjene for regelstyring skal dobbeltreguleringar unngåast, jf. punkt 4.5.7. Departementet meiner likevel at prinsippet om det beste for barnet er så sentralt at det bør regulerast i ein eigen paragraf i opplæringslova, og at det derfor bør gjera eit unntak frå retningslinjene i dette tilfellet. Ei særskild regulering av det beste for barnet i opplæringslova kan bidra til å auke medvitet om sentrale rettar for barn og bidra til at dei blir etterlevde. Barna er hovudpersonane i skolen, og regelverket for skolen og opplæringa bør synleggjere dei grunnleggjande rettane til barna. Departementet viser vidare til at forslaget har fått brei støtte i høyringa.

Departementet viser også til at ei eiga regulering av prinsippet i opplæringslova er i samsvar med tilrådinga frå FNs komité for rettane til menneske med nedsett funksjonsevne. I dei avsluttande merknadene til komiteen til Noregs første rapport (CRPD/C/NOR/CO/1) frå 2019 tilrår komiteen at Noreg «[i]nnarbeider prinsippet om barnets beste i all lovgivning og rettslige og administrative beslutningsprosedyrer som berører barn, herunder opplæringslova, utover kapittelet om skolemiljø og mobbing».

Departementets forslag til regel i opplæringslova ligg tett opp til formuleringa i Grunnlova § 104 andre ledd. Formålet med regelen i opplæringslova er å gjere det klart at prinsippet ikkje berre gjeld for vedtak, men generelt for alle handlingar og avgjerder som gjeld elevar etter opplæringslova. Det er dermed i utgangspunktet ikkje nødvendig å behalde dagens reglar om det beste for eleven for bestemte typar saker i lovforslaget.

Departementet har likevel vidareført enkelte særreglar der omsynet til det beste for eleven er formulert som eit sjølvstendig vilkår, sjå forslaget til § 2-2 tredje ledd om fritak frå opplæringsplikta og forslaget til § 11-3 om intensiv opplæring. I desse paragrafane er omsynet til det beste for eleven formulert som eit avgjerande vilkår for at fritak frå opplæring eller intensiv opplæring skal innvilgast. Desse reglane gir derfor tilvising på ei strengare vurdering enn den som følgjer av forslaget til § 10-1 om det beste for eleven, der det til samanlikning blir fastslått at det skal takast «grunnleggjande omsyn» til kva som er best for kvar elev. Departementet meiner derfor at vilkåra om det beste for eleven bør førast vidare i forslaget til §§ 2-2 tredje ledd og 11-3.

Den foreslalte reguleringa i opplæringslova inneber at kva som er best for eleven, skal vere eit grunnleggjande omsyn i alle handlingar og avgjerder som vedkjem elevar. Paragrafen må sjåast i samanheng med og tolkast i samsvar med Grunnlova § 104 andre ledd og barnekonvensjonen artikkel 3 nr. 1 om det beste for barnet.

Departementet har merka seg at ein del høyingsinstansar ønskjer regelen plassert innleiingsvis i lova. Departementet har foreslatt å plassere paragrafen i fjerde del, som omhandlar fellesreglar for grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa for barn og unge. Paragrafen er plassert i første kapittel i denne delen (kapittel 10 om det beste for eleven, medverknad, skoledemokrati, foreldresamarbeid, skoleregular og plikt til å delta), som første paragraf. Departementet meiner at dette er ei plassering som synleggjer rekjkjevida til regelen og kor sentral regelen er. Departementet vil uansett kommentere at paragrafane i lovforslaget ikkje er sette opp i ei prioritert rekjkjefølge.

I 2021 gjorde Stortinget følgjande vedtak:

Vedtak nr. 1017, 27. mai 2021: Opplæringslova, barnehagelova og FNs barnekonvensjon:

Stortinget ber regjeringa sikre at ny opplæringslov og barnehagelov er i tråd med FNs barnekonvensjon sine grunnleggjande rettar for framgangsmåte om barns rett til informasjon, til å uttala seg fritt, barns rett til privatliv og at alle handlingar og avgjerder som omhandlar barn, blir gjorde til barnets beste.

Slik departementet vurderer det, er forslaget til opplæringslov i samsvar med Stortings vedtak. Departementet viser særleg til at departementet her forslår ein eigen paragraf om det beste for eleven, sjå forslaget til § 10-1. Departementet viser

vidare til at lovforslaget inneholder ein eigen paragraf om retten eleven har til å medverke og å bli høyrd og ytre meiningane sine fritt, sjå forslaget til § 10-2 (omtalt i punkt 21), og ein eigen paragraf om plikt for kommunen og fylkeskommunen til å gi elevar og foreldre den informasjonen dei har bruk for, sjå forslaget til § 10-8 (omtal i punkt 19).

### **10.5.2 Prinsippet om det beste for eleven skal også gjelde for elevar over 18 år**

Prinsippet om det beste for barnet, slik det kjem fram av Grunnlova og barnekonvensjonen, gjeld for personar under 18 år. Elevar i vidaregående opplæring er eller blir som regel 18 år i løpet av det siste skoleåret. Departementet vurderer det som lite tenleg å ha ulike reglar for elevar under og over 18 år og foreslår at ordlyden i lova skal vise til elevar i staden, ikkje barn. Dette inneber at paragrafen i opplæringslova vil omfatte fleire enn det Grunnlova og barnekonvensjonen gjer.

*Norsk Lektorlag* har peika på at ei utviding av prinsippet til å gjelde elevar over 18 år er problematisk når det skal takast grunnleggjande omsyn til kva som er best for ein enkelt elev, men som kan gå ut over elevar, læringsfellesskapet eller klassemiljøet. Departementet er samd i at omsynet til det beste for ein enkelt elev kan komme i konflikt med andre omsyn, til dømes omsynet til andre elevar, og at slike situasjoner kan by på kompliserte vurderingar. Departementet ser det slik at slike konfliktar må løysast konkret frå sak til sak, medan ein balanserer dei ulike interessene til elevane og prøver å finne eit kompromiss, jf. barnekomiteens *Generell kommentar nr. 14 (2013) om barnets rett til at hans eller hennes beste skal være et grunnleggende hensyn* avsnitt 37-39. Departementet meiner likevel ikkje at å inkludere elevar over 18 år i verkeområdet til regelen vil føre til at slike vurderingar blir vanskelegare enn om regelen berre skulle gjelde for elevar under 18 år.

Forslaget til ny § 10-1 om det beste for eleven vil ikkje gjelde for dei som har læretid i bedrift, eller vaksne deltagarar. Dei som har læretid i bedrift, er arbeidstakrar i lærebodrifta, med dei rettane og pliktene som følgjer av lover og tariffavtalar, sjå forslaget til § 7-4 første ledd. Departementet meiner derfor at det ikkje er tenleg å utvide prinsippet om det beste for eleven til dei som har læretid i bedrift, slik enkelte høyingsinstansar meiner. Rettane og pliktene til vaksne deltagarar er regulerte i femte del i lovforslaget. Prinsippet om det beste for barnet vil i kraft av Grunnlova og barnekonvensjonen gjelde for dei under

18 år som har læreretid i bedrift, og deltararar i grunnopplæringa som er under 18 år.

### **10.5.3 Ikkje konkretisere prinsippet i lov eller forskrift, men utarbeide rettleiing**

Departementet meiner at det ikkje bør givast føringar om den nærmere vurderinga i sjølvé lovteksten eller ved utfyllande forskriftsreglar. Forslaget til § 10-1 om det beste for eleven må tolkast i lys av Grunnlova og barnekonvensjonen og i lys av den praksisen som blir utvikla i samsvar med desse reglane.

Departementet har merka seg at fleire høyingsinstansar tek til orde for at det blir utarbeidd ei praktisk rettleiing til paragrafen. Enkelte høyingsinstansar meiner at det nærmere innhaldet i kravet om å vurdere det beste for eleven bør konkretiserast i paragrafen eller i forskrift til lova. Departementet er samd med høyingsinstansane som meiner at opplæringssektoren må setjast i

stand til å gjere gode vurderingar av kva som er det beste for barnet. Ei tydelegare regulering av prinsippet om det beste for barnet i lova får ingen ting å seie for skolekvarden for elevane dersom kommunane eller fylkeskommunane ikkje følgjer det opp i praksis. Departementet vil derfor vurdere om det bør utarbeidast nærmere rettleiing til regelen.

## **10.6 Departementets forslag**

---

Departementet foreslår

- å lovfeste prinsippet om det beste for barnet i ein eigen paragraf om det beste for eleven, sjå forslaget til § 10-1
- at prinsippet om det beste for eleven skal ha ein vidare bruk enn Grunnlova og barnekonvensjonen, ved at det skal gjelde for alle elevar, også elevar som har vorte 18 år, sjå forslaget til § 10-1

## 11 Opplæringstilbodet

### 11.1 Innleiing

Dette punktet handlar om reglane om kva elevane skal lære, kor mykke opplæring dei skal ha, og kva som er å rekne som opplæring. Detaljerte reglar om kva elevane skal lære, og kor mange timer med opplæring dei skal ha, er i dag fastsette i forskrift. Dette punktet handlar om kva reglar om opplæringstilbodet som bør fastsetjast i lov, og om korleis heimlane til å gi forskrift bør utformast.

I dette punktet drøftar departementet også om den nye opplæringslova bør innehalde eit krav om at opplæringa og anna verksemd etter lova skal vere forsvarleg.

### 11.2 Dagens reglar

#### 11.2.1 Kva elevane skal lære

Kongen i statsråd kan gi forskrift for å fylle ut dei overordna måla og prinsippa for opplæringa, jf. opplæringslova § 1-6. Det faglege innhaldet i opplæringa er i all hovudsak regulert i forskrift til opplæringslova, ikkje i lova.

Grunnskoleopplæringa skal omfatte kristendom, religion, livssyn og etikk, norsk, matematikk, framandspråk, kroppsøving, kunnskap om heimen, samfunnet og naturen og dessutan estetisk, praktisk og sosial opplæring, jf. opplæringslova § 2-3 første ledd første punktum. Ein del av undervisningstida kan brukast til fag og aktivitetar som skolen og elevane vel, til leirskoleaktivitetar og til opplæring på andre skolar eller på ein arbeidsplass utanfor skolen, jf. opplæringslova § 2-3 første ledd andre punktum.

Etter opplæringslova § 2-3 tredje ledd gir departementet forskrift om fag, mål for opplæringa og gjennomføringa av grunnskoleopplæringa. Departementet kan også gi forskrift om aktivitetar som ikkje er opplæring i fag, som til dømes om fysisk aktivitet etter forskrift til opplæringslova § 1-1 a.

Etter opplæringslova § 3-4 første ledd første punktum gir departementet forskrift om mellom anna trinn og programområde, fag, mål for opplæringa og gjennomføringa av vidaregåande opplæ-

ring. Vidare gir departementet forskrift om opplæring i fellesfag og programfag for praksisbrevkandidatar, jf. opplæringslova § 3-4 første ledd andre punktum. Departementet gir også forskrift om godskriving av tidlegare gjennomgått opplæring eller praksis, jf. opplæringslova § 3-4 første ledd fjerde punktum.

Grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa skal vere i samsvar med Læreplanverket for Kunnskapsløftet, jf. forskrift til opplæringslova §§ 1-1 første ledd og 1-3 første ledd. Den vidaregående opplæringa skal i tillegg vere i samsvar med den fastsette tilbodssstrukturen, jf. forskrift til opplæringslova § 1-3 første ledd.

Læreplanverket for Kunnskapsløftet består av ein overordna del, læreplanar i alle fag i grunnskolen og vidaregående opplæring og fag- og timefordelinga. Overordna del av læreplanverket utdjupar verdigrunnlaget i formålsparagrafen i opplæringslova og fastset dei overordna måla og prinsippa for opplæringa. Innhaldet frå overordna del som er ein del av opplæringa og det elevane skal lære, er inkludert i læreplanane i fag. Læreplanar i fag fastset innhald og mål for opplæringa i faga.

Innhaldet i den samiske opplæringa er regulert av opplæringslova § 6-4. Forskrift om læreplanar etter opplæringslova § 2-3 tredje ledd og § 3-4 første ledd skal gi pålegg om opplæring om den samiske folkegruppa og om språket, kulturen og samfunnslivet til denne folkegruppa i tilknyting til dei ulike fagområda, jf. opplæringslova § 6-4 første ledd første punktum. Innanfor rammer fastsette av departementet gir Sametinget forskrift om innhaldet i slik opplæring, jf. opplæringslova § 6-4 første ledd andre punktum. Sametinget gir forskrift om læreplanar for opplæring i samisk språk i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa og om læreplanar for særskilde samiske fag i den vidaregående opplæringa, jf. opplæringslova § 6-4 andre ledd første punktum. Forskriftene må ligge innanfor omfangs- og ressursrammer fastsette av departementet, jf. opplæringslova § 6-4 andre ledd andre punktum. Departementet gir forskrift om andre særskilde læreplanar for grunnskoleopplæringa i samiske distrikt og for elevar elles som får samisk opplæring i grunn-

skole og i vidaregående opplæring, jf. opplæringslova § 6-4 tredje ledd første punktum. Sametinget skal i samråd med departementet lage utkast til forskrift, jf. opplæringslova § 6-4 tredje ledd andre punktum.

Elevar i samiske distrikt skal ha opplæring i samsvar med Læreplanverket for Kunnskapsløftet – samisk. Det same gjeld elevar utanfor samiske distrikt når dei får opplæring på samisk. Elevar som får opplæring i samisk utanfor eit samisk distrikt, skal ha opplæring i samsvar med det nasjonale Læreplanverket for Kunnskapsløftet, men skal følgje Læreplanverket for Kunnskapsløftet – samisk for opplæringa i samisk. For elevar i grunnskolen følger dette av forskrift til opplæringslova § 1-1 første ledd bokstav b og c. Det er ikkje fastsett tilsvarande reglar når det gjeld opplæring i samisk i vidaregående opplæring.

I nokre fag er det utvikla eigne læreplanar for elevar med teiknspråk. I fag der det ikkje er eigne læreplanar for elevar med teiknspråk, gjeld dei ordinære læreplanane.

Kommunane og fylkeskommunane kan søkje departementet om unntak frå forskrift om læreplanar, jf. opplæringslova § 2-3 femte ledd og § 3-4 tredje ledd.

### **11.2.2 Rett til individuell vurdering og dokumentasjon**

Etter opplæringslova § 2-3 tredje ledd gir departementet forskrift om vurdering av elevar, klage på vurderinga, eksamen og dokumentasjon for grunnskoleopplæringa. Etter opplæringslova § 3-4 gir departementet forskrift om klage på vurdering, eksamen, fag- og sveineprøve, praksisbrevprøve og dokumentasjon for den vidaregåande opplæringa.

Alle elevar, dei som har læretid i bedrift, og vaksne deltakarar i offentleg grunnopplæring har rett til vurdering, jf. forskrift til opplæringslova §§ 3-2 og 4-2. Frå 1. til 7. trinn skal skolen berre gi vurdering utan karakter, jf. forskrift til opplæringslova § 3-5 første ledd.

### **11.2.3 Fråværsgrense og tap av retten til vurdering med karakter**

Reglane om fråværsgrensa og tap av retten til standpunktakarakter eller halvårvurdering med karakter i fag er ikkje regulerte i opplæringslova, men i forskrift til opplæringslova. Stort fråvær eller andre særlege grunnar kan føre til at lærar og instruktør ikkje har tilstrekkeleg vurderingsgrunnlag til å gi halvårvurdering med karakter

eller standpunktakarakter i fag, jf. forskrift til opplæringslova § 3-3 fjerde ledd andre punktum.

I den vidaregåande opplæringa skal ein elev som hovudregel ikkje få standpunktakarakter eller halvårvurdering med karakter ved udokumentert fråvær over fråværsgrensa i faget. Reglane følger av forskrift til opplæringslova § 3-9, som er vedteken av departementet med heimel i opplæringslova § 3-4 første ledd om innhald og vurdering i den vidaregåande opplæringa.

### **11.2.4 Kor mange timer elevane skal ha**

Etter opplæringslova § 2-2 første ledd og § 3-2 første ledd gir departementet forskrift om samla tid til opplæring i grunnskolen og vidaregående opplæring. Etter opplæringslova § 2-2 andre ledd kan kommunen gi forskrift om undervisningstid ut over samla tid til opplæring etter § 2-2 første ledd. Det er ikkje krav om at kommunen må kunngjere forskrifter i Norsk Lovtidend, jf. opplæringslova § 2-2 andre ledd andre punktum. Kommunane avgjer sjølv korleis dei skal bruke timer ut over minstetimetallet, jf. opplæringslova § 2-3 første ledd siste punktum. Det er ikkje gitt ein tilsvarande regel for vidaregående opplæring i kapittel 3.

Ein del av undervisningstida i grunnskoleopplæringa kan brukast til fag og aktivitetar som skolen og elevane vel, til leirskoleopplæring og til opplæring på andre skolar eller på ein arbeidsplass utanfor skolen, jf. opplæringslova § 2-3 første ledd andre punktum.

I læreplanverket er det fastsett eit minste timetal opplæring som elevane skal få i kvart enkelt fag. For grunnskolen er timane fordelt på hovudtrinn og ikkje enkelttrinn, noko som gir skolane fleksibilitet med tanke på korleis dei vil fordele timane mellom dei enkelte trinna, og handlingsrom til å gjere ulike prioriteringar. Fag- og timefordelinga for 1. til 7. trinn omfattar også 38 fleksible timer som skal brukast til opplæring i dei faga og på det trinnet kommunane meiner er mest tilrådelig ut frå lokale behov. Dette svarer til éin time i veka i eitt av skoleåra mellom 1. og 7. trinn. I tillegg er det sett av 76 timer på 5. til 7. trinn der elevane har rett til jamleg fysisk aktivitet, jf. forskrift til opplæringslova § 1-1 a.

Det er ikkje fastsett eit eige timetal til opplæring knytt direkte til den overordna delen av læreplanverket. Den overordna delen utdjupar verdigrunnlaget i formålsparagrafen i lova og dei overordna prinsippa for opplæringa, og det er opplæringa i faga og praksisen til skolen elles som skal bidra til å realisere desse verdiane og prinsippa.

I grunnskolen kan kommunen omdi disponere inntil fem prosent av timane som er fastsette i det enkelte faget, for heile klassar eller trinn, jf. forskrift til opplæringslova § 1-1 andre ledd. Regelverket opnar ikkje for å omdi disponere timar mellom fag for heile klassar eller trinn i vidaregåande opplæring. Kommunen skal gi forskrift om fag- og timefordelinga for det enkelte skoleåret der omdi disponeringa av timar mellom fag kjem fram, men det er ikkje krav om kunngjering i Norsk Lovtidend, jf. forskrift til opplæringslova § 1-1 andre ledd andre og tredje punktum. Fylkeskommunen kan legge fag på andre trinn enn det som er fastsett i fag- og timefordelinga. Det er krav om at ei alternativ fag- og timefordeling må sikre pøgresjonen i faga, og at den vidaregåande opplæringa samla sett følgjer ordinær opplæringstid. Fylkeskommunen må i tillegg tilby den ordinære fag- og timefordelinga, jf. forskrift til opplæringslova § 1-3 tredje ledd. Fylkeskommunen må fastsetje avvika frå den ordinære fag- og timefordelinga i forskrift, jf. forskrift til opplæringslova § 1-3 tredje ledd siste punktum.

Kommunen og fylkeskommunen kan i tillegg omdi disponere inntil 25 prosent av timane som er fastsette i det enkelte faget, for enkeltelevar. Omdi disponeringa skal kunne føre til betre måloppnåing i faga samla sett for eleven. Eleven eller for eldra må samtykkje til omdi disponeringa.

### **11.2.5 Om det gjeld eit krav om forsvarleg opplæring**

#### *Opplæringslova og forskrift til opplæringslova*

I opplæringslova er det ikkje direkte fastsett at opplæringa eller anna verksemd etter lova må vere forsvarleg. Opplæringslova med forskrifter inneheld likevel fleire reglar som har til hensikt å bidra til at elevane får eit opplæringstilbod av ein viss kvalitet.

#### *Rettspraksis*

Det har lenge vore lagt til grunn at det gjeld visse minimumskrav til innhaldet i opplæringa. Desse krava vart først formulerte i ein omfattande underrettspraksis i 1950- og 1960-åra om erstatningsansvar for handlingar, avgjerder og unnlatingar innan skolefeltet. Sakene dreidde seg særleg om elevar som vart plasserte på spesialskole. Rettsutviklinga nådde høgdepunktet sitt i to saker for Høgsterett i 1970 (Rt. 1970 s. 95 og Rt. 1970 s. 138). I den første saka la Høgsterett til grunn at

skoleverksemda må halde «et rimelig faglig, sosialt og menneskelig nivå». Dette vart utvikla vidare i ulike samanhengar utover i 1970-åra.

Justisdepartementets lovavdeling samanfatta rettsutviklinga i eit brev frå 2. juni 1982 til Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Der vurderte Lovavdelingen omfanget av retten til spesialundervisning i grunnskolelova § 13 fjerde ledd, som gjaldt på det tidspunktet. Stortinget slutta seg til Lovavdelingens konklusjon i Innst. O. nr. 4 (1982–83), side 10, som mellom anna var at:

[g]runnskolelovens bestemmelse om at alle har rett til opplæring i samsvar med sine evner og forutsetninger, og rett til et tilbud som er likeverdig med det andre elever får, er bindende for Stortinget når Stortinget skal ta stilling til bevilgninger. Det er her skapt en såkalt bunden statsutgift. En annen sak er at det selv sagt vil være rom for skjønn når det gjelder den nærmere utforming av undervisningstilbuet og hvor store ressurser som må settes inn for at man kan si at alle elever får et undervisnings tilbod «i samsvar med dei evnene og føresetnadene dei har». Man må imidlertid holde fast ved at grunnskoleloven stiller visse minstekrav, og disse minstekravene kan Stortinget ikke unnlate å oppfylle med mindre loven endres, se Innst. O. nr. 4 (1982–83), vedlegg 2, side 34.

Denne rettsoppfatninga vart følgt opp av Høgsterett i Rt. 1990 s. 360 (Malvik I), der domstolen slo fast at det gjaldt eit krav til at opplæringa oppfylte visse minstekrav. I dommen vart det uttalt:

I lovens krav om at opplæringen må være likeverdig med den opplæring som gis i grunnskolen, liggir imidlertid at opplæringen må fylle visse minimums- og likhetskrav, og at dette er en rettighet som kan håndheves ved domstolene.

Den same norma vart seinare lagd til grunn for helsetenester i Rt. 1990 s. 874 (Fusa) og igjen for opplæring i Rt. 1993 s. 811 (Malvik II).

Ovannemnde rettsavgjelder vart avsagde for fleire tiår sidan, og gjeldande opplæringslov inneheld fleire lovfesta rettar og meir detaljerte krav enn det lova gjorde då rettsavgjerdene vart tekne. Retten til spesialundervisning er som kjent nærmare regulert i lov og følgjer i dag av opplæringslova kapittel 5. Det blir gjort vedtak om spesialundervisning som kan klagast på.

**Andre lover**

Fleire andre velferdslover, til dømes integreringslova, barnevernslova, helse- og omsorgstenestelova og sosialtenestelova, inneholder krav om at verksemda etter lovene skal vere forsvarleg.

### **11.3 Høyringsforslaget**

I høyringa foreslo departementet

- å vidareføre heimlane til å gi forskrift om læreplanverket i grunnskolen og for vidaregående skole og kva utdanningstilbod som fører fram til studie- eller yrkeskompetanse (tilbodsstrukturen)
- å vidareføre heimelen til å gi forskrift om plikt til å delta i aktivitetar som ikkje er opplæring i fag i grunnskolen
- å vidareføre at departementet skal gi forskrift om kor mange timer med opplæring elevar i grunnskolen skal ha, og korleis timane skal delast mellom trinn og fag
- å vidareføre at departementet kan gi forskrift om kor mange timer med opplæring elevar i den vidaregåande opplæringa skal ha, og korleis timane skal delast mellom trinn og fag
- å vidareføre at departementet kan gi forskrift om og kor lang lærerid det skal vere for dei som har lærerid i bedrift
- å lovfeste at grunnskoleopplæringa skal vere i samsvar med læreplanverket, og at den vidaregåande opplæringa skal vere i samsvar med læreplanverket og tilbodsstrukturen
- å lovfeste ein rett til vurdering og dokumentasjon, reglar om tap av retten til vurdering og å vidareføre heimelen til å gi forskrift om vurdering, klage på vurdering og dokumentasjon
- å vidareføre at departementet kan gi forskrift om godskriving av tidlegare gjennomgått opplæring og praksis
- å lovfeste at barnetrinnet skal vere karakterfritt
- å lovfeste at inntil fem eller ti prosent av timane i kvart fag i grunnskolen kan flyttast til andre fag eller brukast til opplæring som er tverrfagleg
- å lovfeste at både kommunane og fylkeskommunane kan gi forskrift om opplæring utover det minstetimetalet som departementet har fastsett
- å ikkje vidareføre lovreglar om bestemte fag, emne og aktivitetar i grunnskolen

Med dette høyringsforslaget følgde departementet i hovudsak opp forslaga frå opplæringslovutvallet i NOU 2019: 23, kapittel 16 og 17.

I likheit med utvalet foreslo ikkje departementet å lovfeste kva som skal reknast som opplæring, men meinte at mange av forslaga i høyringa vil bidra til at opplæringslova med forskrifter samla sett gir eit tydelegare rettsleg innhald til kravet om minstetid til opplæring.

Departementet tok ikkje stilling til forslaget frå utvalet om å lovfeste eit forsvarlegkrav, men ønskte innspel og hørde ope

- om det bør lovfestast eit krav om at opplæringa og anna verksemd etter opplæringslova skal vere forsvarleg
- om eit eventuelt lowfesta forsvarlegkrav bør avgrensast til delar av lova, til dømes tilpassa (universell) opplæring, individuelt tilrettelagd opplæring eller skolefritidsordning

### **11.4 Høyringsinstansanes syn**

#### **11.4.1 Reglar om læreplanverket og tilbodsstrukturen**

*Lovfeste at opplæringa skal vere i samsvar med læreplanane og tilbodsstrukturen*

Det er om lag 20 høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget om å lovfeste at grunnskoleopplæringa skal vere i samsvar med læreplanverket, og at den vidaregåande opplæringa skal vere i samsvar med læreplanverket og tilbodsstrukturen. Forslaget blir heilt eller delvis støtta av alle som har uttalt seg, men det har komme nokre merknader til forslaget. Blant dei som støttar forslaget, er *Utdanningsdirektoratet, Barneombodet, Statsforvaltaren i Oslo og Viken, Fylkeskommunale ombod for barn og unge*, nokre fylkeskommunar og kommunar, *Utdanningsforbundet* og *Norsk Lektorlag*.

*Norges Blindeforbund* uttaler at kompetanse-mål som føreset bruk av syn, er grunnleggjande diskriminerande for blinde og sterkt svaksynte. *Foreininga Foreldre til blinde barn* uttaler også at det nye læreplanverket inneholder mange kompetanse-mål som ikkje kan nåast av blinde elevar.

*Oslo kommune* ber departementet vurdere å forskriftsfeste moglegheita for å tilby International Baccalaureate (IB) både i grunnskolen og i vidaregåande opplæring.

### *Forskriftsheimlar om læreplanverket og tilbodsstrukturen*

Det er om lag 15 høringsinstansar som har uttalt seg om forslaga om å vidareføre forskriftsheimlar om læreplanverket og tilbodsstrukturen. Av dei som har uttalt seg, støttar dei fleste heilt eller delvis å vidareføre heimlane til å gi forskrift om læreplanverket og utdanningstilbodet og om kor mange timer med opplæring elevane og lærlingane skal ha. Blant dei som støttar forslaget, er *Barneombodet, Statsforvaltaren i Oslo og Viken, nokre fylkeskommunar og kommunar, Utdanningsforbundet og Norsk Lektorlag*.

*Nelfo* tilrår at forvaltning av forskrift om tilbodsstruktur blir delegert til Utdanningsdirektoratet. *Nelfo* viser til at utviklinga innanfor teknologi i stadig fleire samanhengar krev ein tverrfagleg eller fleirfagleg utdanningsstruktur, og at det er ein fare for at tilbodsstrukturen blir for lite fleksibel og det tek for lang tid å endre. *Nelfo* viser vidare til at Utdanningsdirektoratet står nærmere partane i arbeidslivet og kan reagere raskare og bruke eige verkemiddelapparat i nært samarbeid med partane i arbeidslivet for å gjere nødvendige løpende strukturelle endringar i tilbodsstrukturen.

*Norsk Lektorlag* og *Human-etisk Forbund* støttar ikkje forslaget om å vidareføre heimelen til å gi forskrift om plikt til å delta i aktivitetar som ikkje er opplæring i fag i grunnskolen. *Norsk Lektorlag* meiner det er ei sjølvmotseiing i forslaget til ny opplæringslov når det står at opplæringa skal vere i samsvar med læreplanverket, samtidig som det blir opna for å ei plikt til å delta i aktivitetar som ikkje er opplæring i fag. *Human-etisk Forbund* er bekymra for korleis denne heimelen kan nyttast til å påleggje annan aktivitet som ikkje er opplæring i fag. *Human-etisk Forbund* viser til at regelen må sjåast i samanheng med det foreslåtte forbodet mot forkynning.

*Statsforvaltaren i Trøndelag* viser til at lovforslaget gir Sametinget mynde til å gi forskrift om det samiske innhaldet i læreplanane. *Statsforvaltaren* viser til at læreplanane ikkje listar opp innhald som elevane skal lære, men at dei gir opp kompetansar elevane skal utvikle.

*Sametinget* er kritisk til at lovforslaget ikkje opnar for at Sametinget får utvida myndet sitt innanfor læreplanfastsetjing til å fastsetje det samiske innhaldet i det samiske læreplanverket, slik dei bestemmer samisk innhald i nasjonale læreplanar. *Sametinget* meiner det er naturleg at dei som det folkevalde organet for det samiske folk har mynde til å fastsetje samisk innhald i samiske læreplanar

og til å bestemme det samiske innhaldet i samiske skolar. *Skolenes landsforbund* meiner også at Sametinget bør ha mynde til å gi forskrifter om samisk innhald også til det samiske læreplanverket.

*Samisk vidaregåande skole og reindriftsskole* er oppteken av at ein i lovprosessen legg til rette for at samisk tradisjonell kunnskap og immateriell kulturarv blir ein integrert, reell og naturleg del av opplæringa i og utanfor skolen.

### **11.4.2 Om lova bør omhandle bestemte fag, emne og aktivitetar**

Det er om lag 15 høringsinstansar som har uttalt seg om forslaget om å ikkje vidareføre lovreglar om bestemte fag, emne og aktivitetar i grunnskolen. Dei fleste som har uttalt seg, støttar forslaget. Blant dei er *Barneombodet, Utdanningsforbundet* og nokre kommunar og fylkeskommunar.

*Statsforvaltaren i Oslo og Viken* er samd i at lova ikkje bør omhandle bestemte fag og emne, men er usamd i forslaget frå departementet om å fjerne ordet aktivitetar som står i dagens § 2-3 første ledd. Det følgjer av § 2-3 at ein del av undervisningstida kan brukast til fag og aktivitetar som skolen og elevane vel. Slik statsforvaltaren ser det, er det viktig og praktisk at det kjem fram av lovteksten at det også skal vere mogleg for skolane å bruke undervisningstida til aktivitetar som ikkje direkte kan seiast å vere opplæring i enkelte fag. *Statsforvaltaren i Oslo og Viken* viser til at det kjem fram av høringsnotatet at det er behov for meir fleksibilitet enn i dag for å vareta tverrfaglege aktivitetar som ikkje direkte kan seiast å vere opplæring i enkelte fag, til dømes aktivitetar knytte til ulike solidaritetsaksjonar, Den kulturelle skolesekken, tur- og aktivitetsdagar og tverrfaglege temadagar. *Statsforvaltaren i Oslo og Viken* saknar vidare ein tilsvarande heimel for aktivitetar i vidaregåande opplæring.

*Landsorganisasjonen i Norge (LO)* er skeptisk til å fjerne lovreglane om bestemte fag, emne og aktivitetar. *LO* meiner det kan vere tenleg å behalde denne forma for felles ramme om utdanningstilbodet.

### **11.4.3 Rett til individuell vurdering og dokumentasjon**

Det er om lag 20 høringsinstansar som har uttalt seg om forslaget om å lovfeste at elevane har rett til individuell vurdering. Dei fleste som har uttalt seg, støttar forslaget, mellom anna *Barneombodet, Statsforvaltaren i Oslo og Viken*, nokre kommunar

og fylkeskommunar, *Utdanningsforbundet* og *Norsk Lektorlag*.

Forslaget om å lovfeste at barnetrinnet skal vere karakterfritt, blir støtta heilt eller delvis av alle som har uttalt seg, mellom anna *Barneombodet*, *Statsforvaltaren i Oslo og Viken*, nokre kommunar og fylkeskommunar, *Utdanningsforbundet*, *Norsk Lektorlag* og *LO*.

*Hosletoppen skole* meiner at den nye opplæringslova bør presisere at vurderingsgrunnlaget for standpunktakarakteren er kompetansen eleven har vist i løpet av opplæringa. *Hosletoppen skole* viser til at dette kjem fram av forskrift til opplæringslova § 3-15, men meiner at det vil bli færre klagesaker til statsforvaltaren dersom denne regelen blir teken inn i lova.

#### 11.4.4 Fråværsgrense og tap av retten til vurdering med karakter

*Elevorganisasjonen* og *Skolenes landsforbund* støtar ikkje forslaget om at departementet kan gi forskrift om kor høgt fråvær elevane kan ha før dei mistar retten til halvårvurdering med karakter eller standpunktakarakter i faget.

#### 11.4.5 Kor mange timer elevane skal ha

##### Fag- og timefordelinga

Det er om lag 15 høyningsinstansar som har uttalt seg om forslaget om å vidareføre at departementet skal gi forskrift om kor mange timer med opplæring elevar i grunnskolen skal ha, og korleis timane skal delast mellom trinn og fag. Forslaget blir heilt eller delvis støtta av alle høyningsinstansane som har uttalt seg om det. Blant dei er *Utdanningsdirektoratet*, *Barneombodet*, *Statsforvaltaren i Oslo og Viken*, nokre fylkeskommunar og kommunar, *Utdanningsforbundet* og *Norsk Lektorlag*.

*Utdanningsdirektoratet* meiner at den foreslalte heimelen til å gi forskrift om kor mange timer med opplæring elevar i grunnskolen skal ha, og korleis timane skal fordelast mellom trinn og fag, er tilstrekkeleg klar som heimel til å fastsetje fag- og timefordelinga. Direktoratet meiner likevel at det er uklart om denne heimelen også opnar opp for å gi forskrift om unntak frå fag- og timefordelinga. Sett i lys av at det er foreslått ein heimel til å innvilge fritak frå opplæring i norsk sidemål for enkelte elevar, meiner direktoratet at heimelen for å gi forskrift om unntak frå fag- og timefordelinga bør vere klarare. *Utdanningsdirektoratet* viser vidare til at heimelen bør opne opp for

å gi forskrift om den moglegheita kommunane og fylkeskommunane i dag har til å omdisponere inntil 25 prosent av timetalet i eit fag for enkeltelevar.

Det er også om lag 15 høyningsinstansar som har uttalt seg om forslaget om å vidareføre at departementet kan gi forskrift om kor mange timer med opplæring elevar i den vidaregåande opplæringa skal ha, og korleis timane skal delast mellom trinn og fag. Forslaget blir støtta heilt eller delvis av alle høyningsinstansane som har uttalt seg om det.

*Norsk Lektorlag* meiner lovteksten bør endrast til at departementet *skal*, og ikkje *kan*, gi forskrift om kor mange timer med opplæring elevar i vidaregåande opplæring skal ha, og korleis timane skal delast mellom trinn og fag. *Norsk Lektorlag* meiner at Meld. St. 21 (2021–2022) *Fullføringsreformen med åpne dører til verden og fremtiden* ikkje tilseier at Kunnskapsdepartementet ikkje skal kunne gi forskrift om korleis timer skal fordelast mellom trinn og fag, men at reformvedtaket nettopp inneber at det skal greiaut korleis fag- og timefordelinga skal bli. Om ikkje timer blir fordele mellom trinn og fag, vil det ifølgje *Norsk Lektorlag* gi svært mange negative konsekvensar for elevane om dei flyttar eller må bytte skole undervegs i opplæringsløpet.

*Akademikerne* meiner også at lovteksten bør endrast til at departementet skal, og ikkje kan, gi forskrift om kor mange timer med opplæring elevar i vidaregåande opplæring skal ha, og korleis timane skal delast mellom trinn og fag.

Vidare har om lag 15 høyningsinstansar uttalt seg om forslaget om å vidareføre at departementet kan gi forskrift om og kor lang læretid det skal vere for dei som har læretid i bedrift. Forslaget blir heilt eller delvis støtta av alle høyningsinstansane som har uttalt seg om det. Blant dei er *Barneombodet*, *Statsforvaltaren i Oslo og Viken*, nokre fylkeskommunar og kommunar, *Utdanningsforbundet* og *NHO*.

Om lag ti høyningsinstansar har uttalt seg om forslaget om å lovfeste at både kommunane og fylkeskommunane kan gi forskrift om opplæring utover det minstetimetalet som departementet har fastsett. Forslaget blir heilt eller delvis støtta av alle høyningsinstansane som har uttalt seg om det. Blant dei er *Barneombodet*, *Statsforvaltaren i Oslo og Viken* og nokre kommunar og fylkeskommunar.

##### Fleksibilitet i fag- og timefordelinga

Om lag 30 høyningsinstansar har uttalt seg om forslaget om å lovfeste at inntil fem eller ti prosent av

timane i kvart fag i grunnskolen kan flyttast til andre fag eller brukast til opplæring som er tverrfagleg. Dei fleste høyringsinstansane støttar forslaget, men høyringsinstansane er delte i synet på om fleksibiliteten bør vere fem eller ti prosent. Nokre høyringsinstansar meiner at det bør innførast ein tilsvarende fleksibilitet for vidaregåande opplæring. Blant dei som støttar forslaget heilt eller delvis, er *Utdanningsdirektoratet, Barneombodet, Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring, Statsforvaltaren i Oslo og Viken, fleire kommunar og fylkeskommunar, Skolenes landsforbund, Norsk Lektorlag, Skolelederforbundet, Fylkeskommunale ombod for barn og unge, Elevorganisasjonen og Redd Barna.*

*Utdanningsdirektoratet* er i utgangspunktet positiv til ein større fleksibilitet i fag- og timefordelinga i grunnskolen. Samtidig er direktoratet samd i vurderinga til departementet av ulempene som ti prosent fleksibilitet vil gi. Direktoratet erfarer at fag med høgt timetal og sentralt gitt eksamen blir prioritert over fag med lågt timetal og fag som per i dag ikkje har eksamen, særleg praktiske og estetiske fag, ein effekt som kan forsterkast ved auka fleksibilitet.

Direktoratet er vidare samd i vurderinga til departementet av at dersom skolane kan setje av timar til overordna del slik opplæringslovutvalet foreslo, kan dette gi signal om å skilje mellom opplæringa i fag og opplæring ut frå overordna del av læreplanverket. Direktoratet ser på dette som eit kunstig skilje og viser til at verdiane og prinsippa i overordna del skal prege skolekveldagen og det elevane skal lære, og at dei i læreplanverket er innlemma i læreplanar for fag.

*Utdanningsforbundet* går imot å gjøre det mogleg å omdisponere inntil ti prosent i kvart enkelt fag. Forbundet viser til at Stortinget avviste ein auke til ti prosent i behandlinga av Innst. 19 S (2016–2017), jf. Meld. St. 28 (2015–2016) *Fag – Fordypning – Forståelse. En fornyelse av Kunnskapsløftet*. Stortinget frykta at ordninga kunne føre til omdisponering av timar frå praktisk-estetiske fag med låge timetal til billigare teoretiske fag der kunnskapar og ferdigheter blir målte ved eksamen og nasjonale prøvar. Forbundet viser til at det er faga engelsk, norsk og matematikk som er tilført flest timar gjennom moglegheita for omdisponering. *Utdanningsforbundet* meiner ei utviding til ti prosent kan gi økonomiske insentiv til å slå saman elevgrupper og redusere behovet for tilsette med godkjend lærarutdanning.

*Utdanningsforbundet* viser til at det etter dagens opplæringslov allereie er stor grad av fleksibilitet med tanke på å omfordele timar. Forbun-

det ser ikkje behov for ytterlegare utviding med tverrfagleg opplæring som grunngiving. Dersom det skal givast ytterlegare fleksibilitet, meiner forbundet dette må gjerast ved at det blir lagt til timar.

*Norsk Lektorlag* meiner også at ein slik fleksibilitet i grunnskolen må vere på maksimalt fem prosent. *Norsk Lektorlag* viser til at elevane ikkje vil få eit likeverdig opplæringstilbod dersom mengda og typen undervisning ein elev får, i for stor grad avheng av kva skole eleven går på. *Norsk Lektorlag* viser vidare til at dei tre prioriterte tverrfaglege tema i fagfornyinga er integrerte i læreplanane til faga. Læreplanane til fagfornyinga er utforma og dimensjonerte med tanke på retten elevane har til minstetimetal med opplæring per fag. Å ta timar frå eit fag for å tilføre meir tid til eit anna fag kan slik *Norsk Lektorlag* ser det, gå ut over det samla læringsutbyttet til elevane.

*Barneombodet* ber departementet vurdere om det er mogleg å skilje mellom faga, slik at det for dei store faga er mogleg å omdisponere inntil ti prosent, medan det for små fag er ei øvre grense på fem prosent. Denne grensa kan ifølgje ombo- det baserast på årsstimar i faget etter fag- og timefordelinga. Om dette ikkje er mogleg, tilrår *Barneombodet* at det blir fastsett ei grense på fem prosent.

*Elevorganisasjonen* er positive til fleksibilitet når det gjeld tverrfaglege tema og overordna del av læreplanverket, men sterkt kritisk til ei slik ordning for dei resterande faga. Organisasjonen er bekymra for at det kan opne for at elevane ikkje lenger får oppfylt minstetimetalet. Ein slik fridom for kommunane og skolane kan ifølgje *Elevorganisasjonen* føre til at små fag blir offer for at timane blir flytta til dei større faga. Resultatet kan etter *Elevorganisasjonens* syn også bli at flytting av timar blir eit innsparingstiltak ved at dei kan ha elevane på skolen færre dagar.

*Bergen kommune* støttar at fem prosent av timane skal kunne flyttast til andre fag eller brukast til opplæring som er tverrfagleg. Denne kommunen ser at det er store forskjellar i korleis skolane nyttar seg av flytting av timar i skolekveldagen, og korleis dette blir gjennomført. *Bergen kommune* meiner derfor at det er ein fare for at opplæringa kan bli svært ulik frå skole til skole, både kommunalt og nasjonalt, dersom det blir opna for ein fleksibilitet som er større enn fem prosent.

*Stavanger kommune* ser ikkje behov for å auke andelen timar kommunane kan omdisponere mellom fag, frå fem til ti prosent. Dette kan ifølgje kommunen føre til at praktiske og estetiske fag

blir nedprioriterte. *Stavanger kommune* meiner det er viktig at departementet presiserer at regelen om fleksibilitet i fag- og timefordelinga ikkje hindrar skolane frå å ha meir tverrfagleg opplæring enn det som følgjer av denne fleksibiliteten. Også *Kvinnherad kommune* meiner at det er tilstrekkeleg med fem prosent fleksibilitet.

*Skolenes landsforbund* meiner at ti prosent av timane i kvart fag skal kunne flyttast til andre fag eller brukast til opplæring som er tverrfagleg eller, som opplæringslovutvalet foreslo, særleg eigna for å nå måla i den overordna delen av læreplanverket. *Skolenes landsforbund* oppfattar forslaget til opplæringslovutvalet som ei tillitsertklæring til lærarar og skoleleiarar. Å måtte «stykke opp» slike aktivitetar i ulike fag og kompetanseomål vil etter deira syn vere ressurskrevjande og byråkratiserande. Forbundet ber likevel om at yrkesfagleg fordjuping får fritak frå denne regelen.

*Skolelederforbundet* støttar også at opptil ti prosent av timane i kvart fag skal kunne brukast fleksibelt.

*Asker kommune, Nittedal kommune, Porsgrunn kommune, Bodø kommune, Time kommune og Fredrikstad kommune* meiner det bør opnast for å omdisponere ti prosent av timane i kvart fag. Dei meiner dette vil bidra til at skolane i større grad kan arbeide tverrfagleg. Slik regelverket er i dag, må tida som blir brukt på slikt arbeid, fordelast på kvart enkelt fag. Dette verkar ifølgje kommunane som noko kunstig og unødvendig. Moglegheita for meir fleksibilitet til tverrfaglege aktivitetar kan slik desse kommunane ser det, bidra til auka motivasjon for elevane og betre utbytte av opplæringa.

*Oslo kommune* støttar generelt ein auka fleksibilitet i fag- og timefordelinga. Skal skolen kunne leggje til rette for meir djupnelæringer og tverrfagleg arbeid, bør ein ifølgje *Oslo kommune* vurdere endå større fleksibilitet i fag- og timefordelinga. Ein måte å gjere dette på er ifølgje kommunen å seie at «om lag x timer» skal gå til dei ulike faga. Ein endå meir logisk måte er ifølgje kommunen å fordele timane på fagområde. Då vil skolane og skoleeigar vere nøydde til å organisere for meir tverrfagleg tenking og djupnelæringer. *Oslo kommune* meiner skolen treng ei nytenking om fag- og timefordelinga, der ein kan organisere opplæringa på andre måtar og tenkje timefordeling meir heilskapleg og tverrfagleg, og ikkje knyte det fast til enkeltfag.

Nokre høyringsinstansar, mellom anna *Skolelederforbundet, Agder fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, Statsforvaltaren i Agder* og *Statsforvaltaren i Troms og Finnmark*, meiner at

det bør innførast ein tilsvarende fleksibilitet for vidaregåande opplæring. *Skolelederforbundet* meiner at det vil lette organiseringa av skoleåret og gjennomføringa av eksamen, spesielt på vidaregående trinn 3 (vg3).

*Norsk Lektorlag* meiner at ein slik fleksibilitet ikkje er relevant og nødvendig for den vidaregåande opplæringa.

#### **11.4.6 Kva som skal rekna som opplæring**

Det er få høyringsinstansar som har uttalt seg om dette. Dei som har uttalt seg, støttar i hovudsak forslaget om å innføre nye reglar som vil bidra til å gjere tydeleg kva som er å rekne som opplæring. Til dømes støttar *Statsforvaltaren i Oslo og Viken* og *Norsk Lektorlag* forslaget. *Norsk Lektorlag* uttaler at dette vil gi eit tydelegare rettsleg innhald i kravet til eit minste tal timer med opplæring.

#### **11.4.7 Om det skal lovfestast eit krav om forsvarleg opplæring**

Om lag 70 høyringsinstansar har uttalt seg om temaet. Om lag halvparten av dei meiner det bør lovfestast eit forsvarlegkrav i opplæringslova.

Av dei som er imot å lovfeste eit forsvarlegkrav i opplæringslova, utgjer KS, kommunar og fylkeskommunar ein stor del. Mange av dei meiner at eit lovfesta forsvarlegkrav vil føre til meir dokumentasjon og rapportering, samtidig som det ikkje vil styrke tenestene. Vidare oppfattar mange av desse instansane eit lovfesta forsvarlegkrav som ei auka rettsleggjering av det faglege og pedagogiske skjønnet, noko som vil innsnevre handlingsrommet til kommunane og fylkeskommunane. KS uttalte:

KS er fornøyd med at det ikke er formulert forslag til lovregulering av et generelt forsvarligheitskrav. [...] En problemstilling er om [et slikt krav] vil gjelde oppå de andre kravene i loven. Det vil si at det ikke vil være nok å tolke/etterleve krav til internkontroll, saksbehandling, rettigheter og plikter, men det må også vurderes om alt er gjort på en forsvarlig måte. [...] KS vil, i likhet med Forvaltningslovutvalget, påpeke at det er umulig å nærmere angi hva som ligger i [et slikt krav] ved siden av saksbehandlingsregler og rettigheter som allerede er fastsatt. KS mener at et forsvarligheitskrav ikke gir merverdi for kvaliteten i skole og annen virksomhet som er regulert i loven.

Blant dei som ønskjer eit lovfesta forsvarlegkrav, er *Barneombodet*, *Utdanningsforbundet*, *Elevorganisasjonen* og fleire andre organisasjonar, statsforvaltarembe og enkelte kommunar. Mange av dei viser til at eit lovfesta forsvarlegkrav vil bidra til å fjerne tvil om at det gjeld nokre minstekrav. Dei viser til at det ikkje er mogleg å detaljregulere korleis ein skal jobbe med opplæringa til kvar enkelt elev eller elevgruppe, og at med eit slikt krav kan eleven eller foreldre vise til at opplæringa skal vere forsvarleg. Mange viser også til at forsvarlegkravet er lovfesta i fleire andre sentrale velferdslover, og at lovreguleringa ikkje bør vere annleis på opplæringsfeltet.

Når det gjeld spørsmålet om eit eventuelt forsvarlegkrav bør avgrensast til delar av lova, meiner høyringsinstansane som har uttalt seg om dette, at eit slikt krav ikkje bør avgrensast. Grunnen er at det kan gi inntrykk av at noka opplæring eller nokre aktivitetar ikkje treng å vere forsvarlege.

## 11.5 Departementets vurdering

### 11.5.1 Reglar om læreplanverket og tilbodsstrukturen

*Opplæringa skal vere i samsvar med måla og prinsippa for opplæringa, fag- og timefordelinga og tilbodsstrukturen*

Læreplanverket er det sentrale verkemiddelet for nasjonal styring av innhaldet i opplæringa og er den viktigaste beskrivinga av kva kompetanse elevarne og dei som har lærertid i bedrift, skal utvikle. Læreplanverket definerer strukturen, innhaldet og omfanget av faga og dannar fundamentet for den planlegginga og gjennomføringa av opplæringa som skolane og bedriftene gjer.

Læreplanane i fag skal sikre at skolane og bedriftene gir opplæring som fører til at elevarne og dei som har lærertid i bedrift, utviklar ein likeverdig sluttkompetanse. Dette er viktig for å støtte opp om fellesskolen og for tilliten til kompetansen og dokumentasjonen frå grunnopplæringa.

Den overordna delen av læreplanverket utdjupar verdigrunnlaget i formålsparagrafen i opplæringslova og dei overordna prinsippa for grunnopplæringa. Forskriftsreglane om kva utdanningsstilbod som fører fram til studiekompetanse eller yrkeskompetanse, ofte kalla tilbodsstrukturen i vidaregåande opplæring, er også eit sentralt styrsverkemiddel. I tilbodsstrukturen er inndeilinga av utdanningsprogramma i trinn og pro-

gramområda for vidaregåande trinn 1, vidaregåande trinn 2 og vidaregåande trinn 3 fastsett.

Departementet foreslår at all opplæring skal vere i samsvar med måla og prinsippa for opplæringa og fag- og timefordelinga, og at den vidaregåande opplæringa i tillegg skal vere i samsvar med tilbodsstrukturen. Departementet foreslår å utdjupe uttrykket tilbodsstrukturen i lova og omtale dette som «kva for utdanningstilbod som fører fram til studiekompetanse eller yrkeskompetanse», sjá forslaget til § 1-6 tredje ledd.

Opplæringa skal vere i samsvar med måla og prinsippa for opplæringa og innretta slik at elevarne skal kunne oppnå desse måla. Kommunane og fylkeskommunane må sikre at skolane planlegg, gjennomfører, tilpassar og vurderer opplæringa med siktet på at elevarne oppnår den kompetansen læreplanane beskriv. Læreplanverket gir likevel skolane fridom til sjølve å velje metode og aktivitetar for å oppfylle måla. Vurderinga av metode og aktivitetar må byggje på fagleg-pedagogisk kunnskap og erfaring.

Domstolane og statsforvaltaren kan prøve om opplæringa er i samsvar med måla og prinsippa for opplæringa, og om elevarne får opplæring i alle kompetansemåla som går fram av læreplanane. Vurderinga av om opplæringa er i samsvar med måla for opplæringa, vil vere ei skjønnsmessig vurdering. Skjønet vil vere eit lovbane skjønn. Det vil til dømes vere lovstridig om opplæringa ikkje dekkjer alle kompetansemåla.

#### Forskriftsheimlar om læreplanverket og tilbodsstrukturen

Departementet meiner at reguleringane i den overordna delen av læreplanverket, læreplanane i fag og tilbodsstrukturen er for detaljerte til at det er tenleg å ha dei i lova. Samtidig er desse reglane så sentrale for innhaldet i opplæringa at det bør gå tydeleg fram av opplæringslova at det skal givast forskrift om dette.

Departementet meiner at den overordna delen av læreplanverket framleis bør fastsetjast av Kongen. Departementet viser til at den overordna delen av læreplanverket har nær samanheng med dei overordna krava til opplæringa i Grunnlova § 109.

Departementet meiner vidare at det bør lovfestast at departementet skal gi forskrift om læreplanar i fag og om kva utdanningstilbod som fører fram til studiekompetanse eller yrkeskompetanse (tilbodsstrukturen i den vidaregåande opplæringa). Til innspelet om at forvaltning av forskrift om tilbodsstruktur bør delegerast til Utdannings-

direktoratet, viser departementet til at departementet kan delegere forskriftsarbeid til direktoratet.

I dag er det Sametinget som fastset det samiske innhaldet i dei nasjonale læreplanane, innanfor rammene departementet har fastsett. I utviklinga av læreplanane i fag i Kunnskapsløftet 2020 og Kunnskapsløftet 2020 Samisk vart det lagt til grunn at desse rammene kom fram og vart utforma på bakgrunn av dei overordna prinsippa for fagfornyinga i Meld. St. 28 (2015–2016) *Fag – Fordypning – Forståelse. En fornyelse av Kunnskapsløftet* og Stortingets behandling av denne. Rammene vart vidare fastsette gjennom overordna del av læreplanverket, retningslinjer for utforming av nasjonale og samiske læreplaner, dei fastsette kjerneelementa i faga og gjennom anna styringsdialog mellom Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet.

Ut over Sametinget er det ingen andre enn Kunnskapsdepartementet som fastset læreplanane for dei gjennomgående fellesfaga i grunnopplæringa. Departementet foreslår å vidareføre reglane om myndet Sametinget har til å gi forskrift om samisk innhald i dei nasjonale læreplanane innanfor rammer fastsette av departementet.

Departementet foreslår, som i høyringa, at Sametingets heimel til å gi forskrift gjeld samisk innhald heller enn samisk lærestoff, i motsetning til det opplæringslovutvalet foreslo. Departementet foreslår dette fordi ein lovheimel for å fastsetje lærestoff stir med korleis læreplanane er bygde opp i dag. Til innspelet om at læreplanane ikkje skal liste opp innhald som elevane skal lære, viser departementet til at det følgjer av lovheimelen at forskrifa skal haldast innanfor rammene som departementet har fastsett. I praksis vil det seie at samisk innhald skal listast på same måten som anna innhald i læreplanane.

I konsulasjonar med departementet har Sametinget gitt innspel om at Sametinget må ha mynde til å gi forskrift om samisk innhald i dei samiske parallelle likeverdige læreplanane. Sametinget har vist til urfolks sjølvråderett, stadfesta i FNs erklæring om urfolks rettigheteir frå 2007, og til Grunnlova § 108, som pålegg statlege styresmakter å leggje til rette for at den samiske folkegruppa kan tryggje og utvikle samisk språk, kultur og samfunnsliv.

Departementet foreslår å vidareføre at departementet gir forskrift om andre særskilde læreplanar for grunnskoleopplæringa i samiske distrikt og for elevar elles som får samisk opplæring i grunnskole og i vidaregåande opplæring. Same-

tinget skal i samråd med departementet lage utkast til forskrift. Nasjonale styresmakter har ansvar for at også den opplæringa elevane i forvalningsområdet for samisk får, er likeverdig med den opplæringa elevar i andre delar av landet får. Vidare er det viktig at elevar som verken får opplæring i eller på samisk, men som følgjer det samiske læreplanverket, opplever at innhaldet i læreplanane dei får opplæring etter, også er relevant for dei.

Departementet foreslår å vidareføre at Sametinget gir forskrift om læreplanar i særskilde samiske fag i den vidaregåande opplæringa. Særskilde samiske fag er fag som har eit innhald som blir knytt tett til samisk kulturarv, samfunn, historie, tradisjonelle handverk eller næringsverksamhet. Døme på fag som tidlegare har vorte definerte som særskilde samiske fag, er duodjifaga, som er dei samiske tradisjonelle kunsthandverksfaga, og samisk visuell kultur, som blir knytt til samisk kulturarv. Dei særskilde samiske faga må liggje innanfor omfangs- og ressursrammene fastsette av departementet.

Sametinget og departementet har konsultert om omtalen av særskilde samiske fag, og er samde i denne. Sametinget og departementet er vidare samde om å vidareføre Sametingets mynde til å fastsetje læreplanar for opplæring i samiske språk, samisk innhald i nasjonale læreplanar og læreplanar for særskilde samiske fag i vidaregåande opplæring.

Departementet foreslår å ikke vidareføre regelen i opplæringslova § 2-7 første ledd andre punktum som viser til at omfanget og innhaldet i opplæringa i kvensk og finsk blir fastsette i forskrift etter opplæringslova §§ 2-2 og 2-3. Departementet meiner at denne presiseringa er overflødig fordi reglane om at det skal givast forskrift om læreplanar i fag, og om kor mange timer med opplæring elevane skal ha, også omfattar opplæringa i kvensk og finsk.

I dagens paragraf står det at departementet gir forskrift om mål for opplæringa. Denne regelen gir også heimel for forskrift om Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring og om henvisningen til Den europeiske kvalifikasjonsrammeverket for livslang læring. Denne forskriften fell ikkje naturleg inn under ordlyden «læreplanar i fag». Departementet foreslår derfor å lovfeste ein eigen heimel for at departementet kan gi forskrift om nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk.

Departementet foreslår å vidareføre heimelen til å gi forskrift om aktivitetar som ikke er opplæring i fag. Denne heimelen er i dag brukt til å fastsetje forskriftsreglane om fysisk aktivitet. Heime-

len kan ikkje brukast til å gi forskrift om aktivitetar som er i strid med regelverket, til dømes forbodet mot forkynning.

### **11.5.2 Om lova bør omhandle bestemte fag, emne og aktivitetar**

Departementet foreslår å fjerne oppramsinga av kva fag og emne som skal vere del av grunnskoleopplæringa. Det kan argumenterast for at dette er så sentralt at det bør gå fram av lova. På den andre sida fastset læreplanverket kva fag det skal givast opplæring i, og innhaldet i opplæringa. Det er derfor unødvendig å ha med i lovteksten alle fag som grunnskoleopplæringa skal omfatte, slik det står i dagens lov § 2-3 første ledd første punktum. Dagens oppramsing er dessutan ei blanding av både fag og emne, og ho gir ikkje ei fullstendig oversikt over kva grunnskoleopplæringa skal innehalde. Ei regulering med opplisting av alle faga i grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa ville også vorte svært omfattande. For vidaregående opplæring er det også mange valfrie fag, noko som gjer det vanskeleg å lovregulere fag og emne.

Departementet foreslår å fjerne regelen om kva undervisningstida kan brukast til. I dagens lov står det at undervisningstida i grunnskolen kan brukast til «fag og aktivitetar som skolen og elevane vel, til leirskoleopplæring og til opplæring på andre skolar eller på ein arbeidsplass utanfor skolen», jf. opplæringslova § 2-3 første ledd andre punktum. Opplæringa i grunnskolen skal uansett vere i samsvar med måla og prinsippa i læreplanverket og innretta slik at elevane skal kunne oppnå kompetanse måla der. Læreplanverket gir kommunane, fylkeskommunane og skolane fridom til sjølve å velje metode og aktivitetar for å oppfylle måla. Departementet meiner at dagens regel ikkje tilfører noko utover det handlingsrommet som læreplanverket og reglane om fag- og timefordeling gir. Departementet viser også til at det er avgrensingar i handlingsrommet til kommunen og fylkeskommunen som må regulerast i opplæringslova, og at det ikkje er nødvendig å lovfeste at det er eit handlingsrom. At skolen skal tilby elevane leirskoleopphold eller annan skoletur med overnatting, kjem fram av forslaget til § 4-6.

Når det gjeld innspelet om at det bør vere mogleg for skolane å bruke undervisningstida til aktivitetar som ikkje direkte kan seiast å vere opplæring i eitt bestemt fag, til dømes aktivitetar knytte til ulike solidaritetsaksjonar, Den kulturelle skolesekken, tur- og aktivitetsdagar og tverrfaglege temadagar, viser departementet til at slike

aktivitetar er opplæring i fleire fag. Samstundes kan det vere vanskeleg å berekne kor mykje tid som blir tatt frå eit fag til eit anna, sjá punkt 11.5.4 om behovet for fleksibilitet i fag- og timefordelinga.

Departementet foreslår å vidareføre at forskrift om læreplanar skal gi pålegg om opplæring om den samiske folkegruppa og om språket, kulturen og samfunnslivet til denne folkegruppa i tilknyting til dei ulike fagområda. I høyringa foreslo departementet det motsette med den grunngivinga at innhaldet i opplæringa som hovudregel bør regulerast i forskrift, ikkje i lov. I konsultasjonar med departementet har Sametinget likevel gitt uttrykk for at regelen må førast vidare. Departementet ser at ein slik regel vil gjere det tydeleg at alle elevar skal ha opplæring om samisk kultur, og foreslår derfor no at dette blir vidareført.

### **11.5.3 Rett til individuell vurdering og dokumentasjon**

*Lovfeste retten til individuell vurdering og dokumentasjon*

Retten til individuell vurdering og dokumentasjon er ein sentral del av retten elevane har til grunnskoleopplæring og vidaregående opplæring. Denne retten er også avgjerande for moglegitene den enkelte har til vidare studium og for tilgang til arbeidslivet. Departementet meiner at denne retten er så sentral at han bør gå fram direkte av opplæringslova. Forslaget blir støtta av høyringsinstansane som har uttalt seg om dette.

Eit av prinsippa for regelstyring er å lovregulere tema det kan vere stort politisk engasjement rundt og usemje om. Dette taler for at forbodet mot bruk av vurdering med karakter på 1. til 7. trinn (barnetrinnet) bør regulerast i lov framfor i forskrift. På denne måten blir det lagt til rette for at ei eventuell endring vil bli behandla av Stortinget. Departementet foreslår å lovfeste at barneetrinnet skal vere karakterfritt. Forslaget blir støtta av høyringsinstansane som har uttalt seg om dette.

*Forskriftsheimlar om individuell vurdering og dokumentasjon*

Departementet meiner at det er behov for detaljerte reglar om individuell vurdering og dokumentasjon, og at slike reglar eignar seg best i forskrift. Departementet foreslår derfor å vidareføre dagens heimlar for å gi forskrift om vurdering for

elevar, privatistar, praksiskandidatar og for dei som har lærerid i bedrift.

Departementet foreslår vidare å vidareføre reglane i dagens § 3-4 første ledd fjerde punktum om at departementet gir forskrift om godskriving av tidlegare gjennomgått opplæring eller praksis. Reglane gjeld for den vidaregående opplæringa innanfor både studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram, og reglane gir mellom anna heimel for reglane i forskrift til opplæringslova § 11-8 flg. Ordlyden i dagens paragraf, «godskriving», ser ut til å avgrense rekkjevidda av forskriftsheimelen. Departementet viser mellom anna til at dagens reglar i forskrift til opplæringslova § 1-16 bruker uttrykket «godkjennning» av enkeltfag og år, ikkje «godskriving». Uttrykka godkjennning og godskriving kan i stor grad brukast om kvarandre, og om det same, og departementet meiner begge uttrykka bør likestilsta i paragrafen. Dette inneber at forslaget gir heimel til å vidareføre reglane om godkjennning av tidlegare bestått opplæring i dagens § 1-16 i forskrift til opplæringslova. Forslaget gir også reglane om godkjennning av tidlegare bestått opplæring eit tydelegare heimelsgrunnlag enn i dag.

#### *Fråværsgrense og tap av retten til vurdering med karakter*

Departementet har vurdert om hovudreglane om når nokon taper retten til vurdering med karakter, bør gå fram direkte av lova og ikkje av forskrifta som i dag. Stort fråvær eller andre grunnar kan føre til at læraren eller instruktøren ikkje har tilstrekkeleg vurderingsgrunnlag til å gi halvårvurdering med karakter eller standpunktakarakter i eit fag. Etter dagens forskrift skal ikkje elevar i vidaregåande opplæring som har udokumentert fråvær over fråværsgrensa, få standpunktakarakter eller halvårvurdering med karakter i faget det gjeld.

Desse reglane verkar direkte inn på moglegheita til å få vitnemål og er dermed avgjerande for rettane den enkelte har i tilknyting til jobb eller vidare studium. Dette tilseier at det bør gå fram av lova at elevane kan miste retten til vurdering med karakter. Departementet foreslår å lovfeste at departementet kan gi forskrift om korleis manglande vurderingsgrunnlag kan føre til tap av retten til vurdering med karakter i faget i grunnskolen. Ein slik regel vil synleggjere at elevane kan miste retten til vurdering med karakter, samtidig som dei nærare reglane om dette kan regulerast i forskrift. Når det gjeld den vidaregåande opplæringa foreslår departementet å lovfeste at departe-

mentet kan gi forskrift om korleis manglande vurderingsgrunnlag eller høgt fråvær kan føre til tap av retten til vurdering med karakter i faget.

#### **11.5.4 Kor mange timer opplæring elevane skal ha**

##### *Fag- og timefordelinga*

Departementet foreslår å vidareføre at departementet skal gi forskrift om kor mange timer med opplæring elevar skal ha i grunnskolen, og korleis timane skal fordelast mellom trinn og fag.

Når det gjeld den vidaregåande opplæringa, foreslår departementet derimot ikkje å påleggje departementet å gi forskrift om kor mange timer med opplæring elevane skal ha, og korleis timane skal fordelast mellom trinn og fag. Eit slikt krav kan vere for detaljert for ei reformert vidaregåande opplæring der fleksibilitet og kontinuerlege justeringsprosessar skal stå sentralt. I Meld. St. 21 (2021–2022) *Fullføringsreformen med åpne dører til verden og fremtiden* vart det foreslått ei utgreiing av fag- og timefordelinga som Stortinget sluttar seg til i vedtak 1081 frå 1. juni 2021. Prinsippa om meir fordjuping, relevans og valfridom skal liggje til grunn for den endra fag- og timefordelinga. Departementet foreslår derfor i staden å lovfeste at departementet *kan* gi forskrift om kor mange timer elevar i vidaregåande opplæring skal ha, og korleis desse timane skal fordelast mellom trinn og fag. Sjølv om departementet legg til grunn at det framleis vil vere behov for ei forskrift som rammar inn ei meir fleksibel ordning, vel departementet å synleggjere målsettinga ved å lovfeste at departementet ikkje skal, men kan gi forskrift om dette. Vidare foreslår departementet å lovfeste at departementet kan gi forskrift om kor lang lærerid det skal vere for dei som har lærerid i bedrift.

Reglane om at departementet skal eller kan gi forskrift om fag- og timefordelinga, vil også heimle eventuelle unntak frå fag- og timefordelinga. Departementet meiner det ikkje er nødvendig å lovfeste eigne forskriftsheimlar for hovudreglane og eigne heimlar for å gjere unntak. Departementet legg til grunn at det i forskrift kan gjerast unntak for grupper av elevar. Departementet viser til at dette vil vere tilsvarande som andre forskriftsheimlar, som til dømes heimelen om at departementet skal gi forskrift om læreplanar i fag. Vidare kan det i forskrift om fag- og timefordeling bli gitt reglar om når det kan gjerast unntak frå fag- og timefordelinga for enkeltelevar.

Det følgjer av dagens lov at kommunane kan gi forskrift om tid til opplæring utover det samla min-

stetimetalet som departementet har fastsett. Det er ikkje gitt ein tilsvarende heimel for fylkeskommunane. Departementet viser til at formålet med å fastsetje reglar om kor mange timer med opplæring elevane skal ha samla sett, er å sikre alle elevar eit felles samla minste timetal. Tilsvarende gjeld for dei som har læretid i bedrift. Slik departementet ser det, bør ikkje regelverket stå i vegen for at kommunen eller fylkeskommunen gir fleire timer med opplæring enn det som er pålagt etter regelverket. Departementet foreslår derfor å lovfeste at både kommunane og fylkeskommunane skal kunne gi ei slik forskrift. Kommunen eller fylkeskommunen må ta omsyn til retten elevane har til kvile og fritid når dei vurderer kor mange undervisningstimar dei eventuelt skal fastsetje, jf. barnekonvensjonen § 31.

Departementet foreslår at dagens unntak frå kravet om kunngjering i Norsk Lovtidend ikkje blir vidareført i ny opplæringslov, og at det heller ikkje skal gjelde eit slikt unntak for fylkeskommunen. Departementet meiner at sjølvé kunngjeringa ikkje vil medføre kostnader eller meir arbeid for kommunane og fylkeskommunane. Kunngjering i Norsk Lovtidend skal gjere forskrifter tilgjengelege for borgarane og vil også gjere det mogleg å finne fram til tidlegare versjonar av den lokale forskrifa på nettsidene til Lovdata. Dette blir i dag gjort enkelt og digitalt.

### Fleksibilitet i fag- og timefordelinga

I grunnskolen kan kommunane omdi disponere inntil fem prosent av timane som er fastsette i det enkelte faget, mellom fag for heile grupper og trinn. Departementet meiner at det er behov for meir fleksibilitet enn i dag for å vareta tverrfaglege aktivitetar som ikkje direkte kan seiast å vere opplæring i enkelte fag, eller der det medfører mykje administrasjon å fordele timane mellom faga. Det kan til dømes vere aktivitetar knytte til ulike solidaritetsaksjonar, Den kulturelle skolesekken, tur- og aktivitetsdagar, tverrfaglege tema-dagar eller liknande. Forslaget har fått støtte av dei fleste høyingsinstansane som har uttalt seg om dette.

Departementet foreslår derfor at regelen om at ein bestemt prosentdel av timane i kvart fag i grunnskolen kan flyttast til andre fag, blir utvida slik at han også kan brukast til opplæring som er tverrfagleg. Samtidig presiserer departementet at regelen om fleksibilitet i fag- og timefordelinga ikkje skal hindre skolane i å ha meir tverrfagleg opplæring enn det som følger av denne fleksibiliteten.

Departementet meiner at det ikkje bør inngå i regelen at fleksibiliteten skal kunne brukast til overordna del av læreplanen. Logikken i læreplan-verket tilseier at det ikkje skal vere nødvendig å setje av eiga tid til overordna del av læreplanen. Overordna del skal styre all opplæring i fag og praksisen til skolen elles. Innhaldet frå overordna del som er ein del av opplæringa og det elevane skal lære, skal vere inkludert i læreplanane i fag.

I dag kan kommunane omdi disponere inntil fem prosent av timane som er fastsette i det enkelte faget, men opplæringslovutvalet foreslo å auke fleksibiliteten til ti prosent. Høyingsinstansane har ulike syn på dette. Departementet meiner at dagens ordning med fem prosent fleksibilitet bør førast vidare inntil vidare.

I Meld. St. 28 (2015–2016) *Fag – Fordypning – Forståelse – En fornyelse av Kunnskapsløftet* vart det foreslått at kommunen skulle kunne disponere inntil ti prosent av timane som er fastsette i det enkelte faget, mellom fag for heile grupper og trinn. I behandlinga av meldinga i Innst. 19 S (2016–2017) avviste Stortinget forslaget slik det låg føre, fordi det kunne gå ut over fag med lågt årstimal og særleg dei praktiske og estetiske faga. Undersøkingar har vist at der dagens ordning blir brukt, går det særleg utover desse faga, som dessutan ikkje har skriftleg eksamen på 10. trinn. Hovudargumenta mot forslaget er knytt til frykt for at dei meir teoretiske faga vil bli prioriterte ettersom dei er billigare å gjennomføre, og fordi det er desse faga og ferdighetene som blir målte gjennom eksamen og nasjonale prøvar.

Departementet har både no og tidlegare vurdert fleire alternativ for å auke fleksibiliteten og samtidig vareta dei praktiske og estetiske faga. På bakgrunn av tilbakemeldingar frå høyringa er departementet usikker på om fleksibiliteten kan aukast utan at det går ut over dei praktiske og estetiske faga.

Eit alternativ departementet har vurdert, er å auke fleksibiliteten for fag utan skriftleg eksamen. Som det er beskrive over, ser departementet at når dagens ordning med fem prosent fleksibilitet blir brukt, er det faga engelsk, matematikk og norsk som har fått tilført flest timer gjennom dei lokale omdi disponeringane. Departementet har derfor vurdert det slik at det er tvilsamt om fleire skolar vil overføre timer frå fag med skriftleg eksamen til dei praktiske og estetiske faga.

Eit anna alternativ departementet har vurdert, er å auke fleksibiliteten til ti prosent innanfor avgrensa fagområde. Uffordringa med dette er at faga i skolen ikkje er inndelte i definerte fagområde i dag. Ei slik ordning kan i tillegg svekkje

fleksibiliteten til kommunane fordi moglegheita til å prioritere enkelte fag blir mindre. Ulike prosentdelar for ulike fag vil også gjere regelen detaljert og vanskeleg å bruke.

Departementet er vidare usikker på kor stort behov det er for å auke fleksibiliteten til ti prosent. Det er i dag store moglegheiter for fleksibilitet i fag- og timefordelinga i grunnskolen. Departementet meiner at det per i dag ikkje er dokumentert at fleksibiliteten blir godt nok utnytta, eller at det er behov for å auke han, og foreslår derfor å vidareføre dagens ordning med fem prosent fleksibilitet inntil vidare. Departementet vil følgje utviklinga og innhente informasjon om i kva grad og korleis kommunane bruker fleksibiliteten, og kva behov som finst, og eventuelt vurdere endringar på eit seinare tidspunkt. Det pågår også ei evaluering av seksårsreformen, som fram mot 2024 vil gi meir informasjon om korleis skolane legg til rette for dei yngste elevane og korleis dei brukar leik på dei to første årstrinna.

Departementet foreslår å vidareføre at omsdisponeringa kommunen gjer av timer, skal fastsetjast i forskrift. Departementet foreslår å ikkje vidareføre unntaket frå kravet om kunngjering Norsk Lovtidend.

Det er i dag ikkje mogleg for fylkeskommunen å omdisponere timer i fag i vidaregåande skolar. Departementet vil vurdere om det er tenleg at fylkeskommunane får den moglegheita.

Dette må sjåast i samanheng med gjennomgangen av ny fag- og timefordeling i vidaregåande opplæring. Departementet er usikker på om ein slik fleksibilitet er like relevant og nødvendig for den vidaregåande opplæringa. Det er også eit spørsmål om dette vil la seg gjere i den vidaregåande opplæringa der elevane går på ulike utdanningsprogram og vel fag innanfor desse. I Meld. St. 21 (2021–2022) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden* vart det foreslått endringar som skal gi større valfridom og meir fleksibilitet i den vidaregåande opplæringa. Departementet foreslår derfor ikkje å innføre ein regel om fleksibilitet i fag- og timefordelinga for den vidaregåande oppæringa no.

Departementet har vurdert om det bør lovfestast kva som ligg i opplæring, og dermed kva som er det rettslege innhaldet i kravet til at elevane har rett til eit minstetal timer med opplæring. Departementet meiner at det ikkje er tenleg å lage ein definisjon som rommar alle kriteria ein aktivitet må oppfylle for at ein skal rekna aktiviteten som opplæring.

Departementet meiner at fleire av forslaga i denne lovproposisjonen vil bidra til at opplærings-

lova med forskrifter samla sett gir eit tydelegare rettsleg innhald til kravet om minstetid til opplæring, ikkje minst krava om forskrift om overordna mål og prinsipp for opplæringa og læreplanar i fag.

### **11.5.5 Om det skal lovfestast eit krav om forsvarleg opplæring**

Departementet meiner at det ikkje bør lovfestast eit generelt forsvarlegkrav i tillegg til dei andre reglane i forslaget til ny opplæringslov.

Departementet viser til at behovet for eit lovfesta forsvarlegkrav må vurderast konkret for kvart enkelt rettsområde. På nokre rettsområde er det mogleg og ønskjeleg å gi lov- eller forskriftsreglar om korleis tenestene etter lova skal vere. På andre rettsområde er det ikkje mogleg eller ønskjeleg å fastsetje konkrete reglar. Då kan det vere behov for eit lovfesta forsvarlegkrav som sikrar at innhaldet i tenestene er forsvarleg.

Både i dagens opplæringslov og i forslaget til ny opplæringslov er det ei rekkje krav til korleis opplæringa skal vere. Innhaldet i opplæringa er regulert gjennom læreplanar, og opplæringslova regulerer mellom anna korleis opplæringa skal organiserast og gjennomførast, kva kompetanse lærarane skal ha, og krav til arbeidet med skolemiljøet. Mange av krava i opplæringslova med forskrifter er strengare og meir presise enn eit krav om at opplæringa eller andre tenester etter lova skal vere forsvarlege. Desse krava må kommunane og fylkeskommunane oppfylle uavhengig av om det finst eit forsvarlegkrav eller ikkje. Der det ikkje er ønskjeleg å detaljregulere korleis opplæring eller anna verksemnd skal vere, er vilkåra utforma skjønnsmessig eller som rettslege standardar.

Denne reguleringsa har fått stor støtte i høyringa, då den bidreg til å gjere det tydeleg for både kommunar og fylkeskommunar, som i stor grad er pliktsubjekta i opplæringslova, og for elevane og foreldra, kva reglar som gjeld. Departementet meiner det ikkje er aktuelt å lovfe eit forsvarlegkrav i tillegg til den foreslattede reguleringsa. Ein må velje reguleringsmåte, og kan ikkje både gi detaljerte reglar og samtidig innføre eit forsvarlegkrav. Dette ville innskrenke handlingsrommet til kommunar og fylkeskommunar, samtidig som det vil gjøre reglane uklare.

---

## **11.6 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å lovfeste at grunnskoleopplæringa skal vere i samsvar med måla og prinsippa for opplæringa og fag- og timefordelinga, og at den vidaregåande opplæringa skal vere i samsvar med måla og prinsippa for opplæringa, fag- og timefordelinga og tilbodsstrukturen, sjå forslaget til §§ 2-3 første ledd og 5-4 første ledd
- å vidareføre heimlane til å gi forskrift om måla og prinsippa for opplæringa og kva utdanningsstilbod som fører fram til studie- eller yrkeskompetanse (tilbodsstrukturen), sjå forslaget til §§ 1-4, 1-5 og 1-6 tredje ledd
- å vidareføre at måla for opplæringa skal gi pålegg om opplæring om den samiske folkegruppa og om språket, kulturen og samfunnslivet til denne folkegruppa i tilknyting til dei ulike fagområda, sjå forslaget til § 1-5 første ledd
- å lovfeste ein rett til vurdering og dokumentasjon og å vidareføre heimelen til å gi forskrift om vurdering, klage på vurdering og dokumentasjon, sjå forslaget til §§ 2-3 andre ledd første og tredje punktum og 5-4 andre ledd første og andre punktum
- å lovfeste at departementet kan gi forskrift om tap av rett til vurdering med karakter, sjå forslaget til §§ 2-3 andre ledd fjerde punktum og 5-4 andre ledd tredje punktum
- å vidareføre at departementet kan gi forskrift om godskriving og godkjenning av tidlegare gjennomgått opplæring og praksis, sjå forslaget til § 5-4 tredje ledd
- å lovfeste at barnetrinnet skal vere karakterfritt, sjå forslaget til § 2-3 andre ledd andre punktum
- å vidareføre at departementet gir forskrift om kor mange timar med opplæring elevar i grunnskolen skal ha, og korleis timane skal delast mellom trinn og fag (fag- og timefordelinga i grunnskolen), sjå forslaget til § 1-6 første ledd
- å lovfeste at kommunen kan gi forskrift om at inntil fem prosent av timane i kvart fag i grunnskolen skal flyttast til andre fag eller brukast til opplæring som er tverrfagleg, og ikkje vidareføre unntak frå kravet om kunngjering, sjå forslaget til § 1-6 andre ledd
- å vidareføre at departementet gir forskrift om kva utdanningstilbod som fører fram til studiekompetanse eller yrkeskompetanse (tilbodsstrukturen i den vidaregåande opplæringa), sjå forslaget til § 1-6 tredje ledd
- å vidareføre at departementet kan gi forskrift om kor mange timar med opplæring elevar i den vidaregåande opplæringa, skal ha, og korleis timane skal delast mellom trinn og fag (fag- og timefordelinga i den vidaregåande opplæringa), sjå forslaget til § 1-6 fjerde ledd
- å vidareføre at departementet kan gi forskrift om kor lang lærerid det skal vere for dei som har lærerid i bedrift, sjå forslaget til § 1-6 femte ledd
- å lovfeste at både kommunane og fylkeskommunane kan gi forskrift om opplæring utover det minstetimetalet som departementet har fastsett, og ikkje vidareføre unntak frå kravet om kunngjering, sjå forslaget til § 1-6 sjette ledd
- å vidareføre at departementet kan gi forskrift om plikt til å delta i aktivitetar som ikkje er opplæring i fag i grunnskolen, sjå forslaget til § 1-6 sjuande ledd
- å vidareføre at departementet kan gi forskrift om nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk, sjå forslaget til § 1-7

## 12 Kva grunnskole elevane skal gå på

### 12.1 Innleiing

Dette punktet handlar om korleis elevane i grunnskolen skal fordelast på dei ulike skolane i kommunen. Reglar om inntak til vidaregåande opplæring er omtalt i punkt 40.6. Reglar om pålagd skolebyte for elevar i grunnskolen og vidaregåande opplæring er omtalt i punkt 34.4.

### 12.2 Dagens reglar

#### 12.2.1 Rett til å gå på den skolen som ligg nærest, eller den skolen i nærmiljøet som eleven soknar til

I opplæringslova § 8-1 er det reglar om korleis elevane i grunnskolen skal fordelast på dei ulike skolane i kommunen. Lova inneheld ikkje reglar om kor mange skolar det skal vere i kommunen, eller om kvar skolane skal plasserast. Kommunen står derfor fritt til å opprette og leggje ned skolar og til å avgjere kvar i kommunen skolane skal plasserast.

Opplæringslova § 8-1 første ledd lovfestar det som blir kalla nærskoleprinsippet, og gir alle barn rett til å gå på éin bestemt skole:

Grunnskoleelevarne har rett til å gå på den skolen som ligg nærest eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til.

Ut frå den todelte ordlyden i paragrafen kan det sjå ut som om det dreier seg om to alternative skolar: anten (1) den skolen som ligg nærest i avstand, eller (2) den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Det er likevel tale om éin og same skole, ofte kalla nærskolen. Både «den skolen som ligg nærest» og «den skolen i nærmiljøet som dei soknar til» handlar om det same og er knytt til vurderinga av kva som skal reknast som den næreste skolen.

Kva skole som blir rekna som den næreste, skal avgjerast ut frå ei konkret vurdering. Hovudformålet med regelen er at elevar frå dei same geografiske områda skal gå på den same skolen. Vurderinga av kva skole som ligg nærest, skal ta

utgangspunkt i geografiske forhold, jf. merknaden til § 8-1 i Ot.prp. nr. 46 (1997–98) *om lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa*.

Geografisk nærliek kan fastsetjast på grunnlag av fysisk avstand til kvar enkelt skole, slik at elevane får plass på den skolen som gir kortast skoleveg. Men geografisk tilhøyrsel kan også fastsetjast etter det naturlege geografiske området rundt den enkelte skolen ut frå topografiske og trafikale forhold, medrekna korleis heimane er fordelt på grender, osv., jf. NOU 1995: 18 *Ny lovgivning om opplæring – «... og for øvrig kan man gjøre som man vil»*.

Vurderinga av kva skole som er nærest, skal ta utgangspunkt i geografiske forhold, men skal også ta omsyn til andre relevante forhold, til dømes om søsken frå same husstand er plasserte på den same skolen, kapasiteten på skolane og om skolevegen er farleg, jf. Ot.prp. nr. 46 (1997–98). Ifølgje forarbeida til lova kan kommunane altså leggje vekt på kapasiteten ved kvar enkelt skole. Omsynet til kapasitet gjeld først og fremst når skoleanlegget ikkje har plass til fleire elevar. Dette inneber at når skoleanlegget er fullt, kan kommunane plassere dei elevane som har minst tilhøyrsel, på ein annan skole som har kapasitet ut frå andre omsyn. Rettane etter § 8-1 inneber dermed ikkje noko krav om å utvide eksisterande skoleanlegg.

Ut frå ei samla vurdering av avstanden til skolen, topografi (terrengforhold) og trafikkforhold kan det vere både to og fleire skolar som kan reknast som å liggje «nærest». Kommunen står forholdsvis fritt når han skal fordele elevar i slike tilfelle, så lenge kommunen legg vekt på saklege omsyn.

#### 12.2.2 Lokal forskrift om skolekrinsar

Kommunen har heimel til å fastsetje forskrift om kva skole dei ulike områda i kommunen soknar til, jf. § 8-1 første ledd andre punktum. Dette skal sikre føreseielege forhold og likebehandling for innbyggjarane i kommunen og ei tenleg organisering lokalt.

Kommunen kan ikkje leggje vekt på omsyn som vil vere i strid med nærskoleprinsippet, til dømes omsynet til at alle skolar skal ha lik belastning, at det skal haldast på skolar med svakt elevgrunnlag, spreiing av fagleg sterke og svake elevar, samling av minoritetselevar eller spesialundervisningselevar. Ei lokal forskrift om skolekrinsar skal ta utgangspunkt i objektive forhold som geografi og topografi. Det er lagt til grunn at forskriftera også opnar for at kommunen kan leggje vekt på forhold ved kvar enkelt elev, til dømes kva skole søskena går på. Inndelinga i opptaksområde kan følgjeleg ikkje vere absolutt.

Kravet i forvaltningslova om at ei forskrift skal kunngjera i Norsk Lovtidend, gjeld ikkje for forskrift om skolekrinsar, jf. opplæringslova § 8-1 første ledd tredje punktum.

### **12.2.3 Avtale mellom kommunar om at eit område i ein kommune soknar til ein skole i nabokommunen**

Hovudregelen er at elevane skal gå på skole i bustadkommunen. Unntak gjeld når to eller fleire nabokommunar har inngått avtale om felles skolekrins etter § 8-1 andre ledd. I slike tilfelle kan ein elev visast til ein skole i nabokommunen, så lenge dette er den nærmeste skolen til eleven etter første ledd. Regelen bryt altså ikkje med nærskoleprinsippet, men slår fast at nærskolen kan ligge i ein annan kommune. Ein felleskommunal skolekrins kan berre omfatte område som er geografisk i nærleiken av kvarandre.

### **12.2.4 Søknad om å gå på ein annan skole enn den nærmaste**

Ifølge opplæringslova § 8-1 tredje ledd kan ein elev søkje om å få gå på ein annan skole enn det som er den nærmaste skolen til eleven, etter det første leddet til paragrafen. Regelen gir ikkje rett til å gå på ein annan skole, og kommunane må sørge for at ikkje andre elevar mistar retten til å gå på den nærmaste skolen. Kommunane må behandle søknadene etter alminnelege forvaltningsrettslege reglar, som mellom anna vernar mot usakleg forskjellsbehandling.

Kommunane kan også innvilge elevar skolegang utanfor bustadkommunen. I slike tilfelle må den kommunen der skolen ligg, samtykkje i skoleplasseringa.

### **12.2.5 Unntak frå retten til å gå på den nærmaste skolen**

Opplæringslova inneholder fleire unntak frå retten grunnskoleelevarne har til å gå på den nærmaste skolen.

Det følgjer av opplæringslova § 2-5 fjerde ledd at når minst ti elevar krev det, kan elevane velje ei anna målform enn den kommunen har vedteke. Når dei ti elevane er spreidde på fleire skolar i kommunen, må foreldra velje kva for ein av skolane som skal ha den særskilde målformgruppa. I slike tilfelle må nokre av elevane gå på ein annan skole enn nærskolen.

Kommunane kan bestemme at dei skal gi opplæringa i og på teiknspråk på ein annan stad enn den skolen eleven soknar til, jf. opplæringslova § 2-6 andre ledd. Etter § 2-8 andre ledd kan kommunane leggje morsmålsopplæring til ein annan skole enn den eleven går på til vanleg. Vidare kan kommunane organisere særskilt opplæringstilbod for minoritetsspråklege elevar som er nykomne i Noreg, i eigne grupper, klassar eller skolar, jf. § 2-8 femte ledd. Dersom heile eller delar av opplæringa skal skje i ei slik gruppe, klasse eller skole, må kommunen fastsetje dette i vedtaket om særskild språkopplæring.

Kommunane kan samle dei elevane som skal ha opplæring på samisk, ved éin eller fleire av grunnskolane i kommunen, jf. § 6-2 tredje ledd.

Vidare følger det av § 9 A-12 første ledd at kommunane kan flytte ein elev til ein annan skole enn den skolen eleven har rett til å gå på, dersom omsynet til dei andre elevane tilseier det. Det inneber at ein elev kan flyttast til ein annan skole utan at foreldra og eleven sjølv ønskjer det. Regelen kan berre brukast i unntakstilfelle der oppførelsen til ein enkeltelev i alvorleg grad går ut over tryggleiken eller læringa til ein eller fleire av dei andre elevane. Andre tiltak skal vere prøvde før det er aktuelt med flytting etter denne paragrafen. Elevar med spesialundervisning kan også bli flytta til ein annan skole med heimel i § 9A-12 første ledd, men dette føreset at saksbehandlingsreglane i opplæringslova kap. 5 er følgje i samband med avgjerda. Dette inneber mellom anna ei sak-kunnig vurdering frå pedagogisk-psykologisk teneste og vedtak om spesialundervisning som skal gjelde ved ny skole. Skolen som eleven skal flyttast til, må kunne vareta dei spesialpedago-giske behova hos eleven og eventuelle andre behov for særskild tilrettelegging.

## 12.3 Høyringsforslaget

I høyringa foreslo departementet

- å lovfeste at alle barn i grunnskolen skal ha rett til å gå på ein skole i nærmiljøet
- å vidareføre at kommunen kan gi forskrift om skolekrinsar
- å vidareføre unntaket frå kravet om at lokale forskrifter skal kunngjerast i Norsk Lovtidend
- å lovfeste at ved tildeling av skoleplassar eller fastsetjing av ei forskrift om skolekrinsar skal kommunen leggje særleg vekt på kva skole som ligg nærest heimen, men at kommunen også kan ta omsyn til topografi, trafikkforholda på skolevegen og kapasiteten på skolane, og at barn i same nabolag får gå på same skole
- å lovfeste at ei lokal forskrift om skolekrinsar kan opne for at kommunen kan gjere unntak frå dei fastsette skolekrinsane dersom skolen i krinsen er full
- å vidareføre at foreldra kan søkje om at barnet skal få gå på ein annan skole enn den skolen barnet soknar til

Departementet følgde med dette høyringsforslaget i all hovudsak opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 27. Utvalet foreslo å ikkje vidareføre at foreldra kan søkje om at barnet skal få gå på ein annan skole enn den skolen barnet soknar til.

## 12.4 Høyringsinstansanes syn

Det er 16 høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget til reglar om kva skole elevane skal gå på.

Forslaget har i all hovudsak fått støtte frå dei som har uttalt seg.

*Barneombodet* meiner det ikkje bør vere valfritt for kommunane å fastsetje lokal forskrift om kva skole elevane har rett til å gå på, men at det bør vere ei plikt for kommunane til å fastsetje lokal forskrift. *Barneombodet* viser til at forskrifter om skolekrinsar er så viktige for elevar og for eldre at det bør stillast krav om dette.

*Barneombodet* meiner også at når kommunane formar ut ei forskrift, bør ho kunngjerast.

## 12.5 Departementets vurdering

### 12.5.1 Rett til å gå på ein grunnskole i nærmiljøet

Departementet meiner at det er viktig å gi barn høve til å skape eller halde fast på haldepunkt i nærmiljøet, og at skolen bør vere eit slikt haldepunkt. Det er også viktig at samansetninga av skolane og klassane i størst mogleg grad speglar av samfunnet, og at elevar med ulik bakgrunn møtest og lærer i dei same klasseromma. Departementet meiner at ei ny opplæringslov framleis skal innehalde ein regel som sikrar at barn frå det same området får gå saman på skolen, og at denne skolen skal vere i det som er dei naturlege nærmiljøa deira. Retten gjeld alle barn uavhengig av funksjonsnedsetjing. Departementet viser også til reglane om elevane fysiske skolemiljø. Skolen skal innreiaast slik at det leggjast til rette for dei elevane ved skolen som har nedsett funksjonsevne. Nærskoleprinsippet bidreg til eit samfunn der skolen er den naturlege sosialiseringarenaen i nærmiljøet.

Departementet foreslår at alle elevar i grunnskolen skal ha rett til å gå på ein skole i nærmiljøet. Regelen inneber inga endring i retten kommunane har til å avgjere kor mange skolar det skal vere i kommunen, og kvar skolane skal plasserast.

Departementet foreslår å ikkje vidareføre regelen i § 8-1 andre ledd om at to eller fleire kommunar kan avtale at eit område i ein kommune soknar til ein skole i nabokommunen, fordi det allereie følgjer av kommunelova § 17-1 om interkommunalt samarbeid at kommunar kan inngå ein slik avtale.

Foreldra står uansett framleis fritt til å søkje om at barnet skal få gå på ein annan skole enn den skolen barnet soknar til. I enkelte tilfelle vil foreldra til dømes kunne ønske å søkje om dette av omsyn til spesialtilpassing, mobbing eller flytting.

Fylkeskommunen har i visse tilfelle plikt til å tilby undervisning i institusjon, jf. §§ 28-3 til 28-5 i forslaget. Nærskoleprinsippet står ikkje i vegen for dette. I slike tilfelle skal elevane framleis ha moglegheit for å få opplæring ein annan stad enn nærskolen eller den vidaregåande skolen dei er tekne inn i.

Når det gjeld andre moglegheiter for å gå på ein annan skole enn nærskolen som er omtalt under gjeldande rett i punkt 12.2.5, viser departementet mellom anna til §§ 3-1 tredje ledd om retten til å tilhøyre eiga skriftspråkgruppe, 3-6 og 3-7

om særskild språkopplæring, 3-2 om opplæring på samisk og 13-2 om pålagt skolebyte i forslaget.

### **12.5.2 Om kommunane kan eller skal fastsetje lokal forskrift**

Kommunen kan tildele skoleplass anten ved fastsetjing av forskrift om skolekrinsar eller ved enkeltvedtak om kva skole eleven skal gå på. Dei kommunane som ikkje har fastsett forskrift, må derfor alltid gjere enkeltvedtak om kva skole eleven skal gå på.

Etter dagens opplæringslov kan kommunane gi forskrift om kva skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Det er opp til kvar kommune om han vil gi ei slik forskrift eller ikkje. Departementet foreslår å vidareføre denne forskriftsheimelen. Vedtekne skolekrinsar fastsette i forskrift kan gjere det meir føreseileg for barn i grunnskolen og foreldra deira om kva skole barnet har rett til å gå på. Departementet meiner at det er viktig å halde på fleksibiliteten i dagens regelverk og at det derfor ikkje bør vere eit krav at kommunane skal fastsetje lokal forskrift slik Barneombodet ynskjer.

Departementet meiner altså at den nye opplæringslova ikkje skal innehalde ei plikt for kommunane til å fastsetje forskrift om skolekrinsar. Departementet legg likevel til grunn at dei aller fleste kommunane vil fastsetje forskrift om skolekrinsar av praktiske årsaker, då alternativet er å gjere enkeltvedtak for kvar enkelt elev om kva skole eleven skal gå på.

Kunngjering i Norsk Lovtidend skal gjere forskrifter tilgjengelege for borgarane og vil også gjere det mogleg å finne fram til tidlegare versjoner av den lokale forskriftena på nettsidene til Lovdata. Departementet er samd med Barneombodet i at når kommunane formar ut ei forskrift, bør forskriftena også kunngjera. Departementet foreslår derfor at dagens unntak frå kravet om kunngjering ikkje blir vidareført i ny opplæringslov. Ei forskrift om skolekrinsar skal altså kunngjera i Norsk Lovtidend.

### **12.5.3 Kva kommunane skal leggje vekt på ved tildeling av skoleplass og fastsetjing av forskrift om skolekrinsar**

Departementet meiner at kommunane, ved tildeiling av skoleplass eller fastsetjing av forskrift om skolekrinsar, skal leggje særleg vekt på avstanden mellom heimen og skolen. Med avstand mellom heim og skole meiner ein i utgangspunktet reiseveg, ikkje luftlinje.

Samtidig meiner departementet at kommunane også skal kunne ta omsyn til topografi, trafikkforhold og kapasiteten på skolane. Kommunen bør også kunne ta omsyn til at barn i same nabolag skal få gå på same skole. Dette er praksis i dag òg, men det går berre fram av forarbeida til lova, ikkje direkte i ordlyden. Departementet foreslår å ta det inn i paragrafen.

Departementet meiner vidare at kommunane skal kunne ta omsyn til kapasiteten til skolane – også når skolane ikkje er fulle – når dei skal fastsetje skolekrinsane. Ifølgje tolkingsfråsegner fra Utdanningsdirektoratet kan omsynet til kapasitet etter dagens reglar berre få noko å seie når ein skole ikkje har plass til fleire elevar. Ei slik avgrensing kan hindre kommunane i å tilpasse elevtalet til personalressursane i skolen og materielle ressursar. Avgrensinga kan derfor gå utover moglegheita kommunane har til å gi kvar elev likeverdig tilgang til dei totale ressursane i kommunen til skoledrift. Å gjere det mogleg for kommunane å ta omsyn til kapasiteten til skolane ved fastsetjing av skolekrinsar kan føre til betre skoleøkonomi og dermed betre skolar. Det kan også motverke skolenedleggingar.

Departementet meiner at kommunane også bør kunne halde av plassar til tilflyttande elevar. Formålet er at kommunane skal kunne utnytte dei samla personalressursane og kapasiteten i skolebygga på ein effektiv måte. Dette vil gi handlingsrom for kommunane og leggje til rette for effektiv utnytting av dei økonomiske ressursane til kommunane. Også dette taler for å lovfeste at kommunen kan ta omsyn til kapasiteten på skolane.

Departementet foreslår dermed å lovfeste at kommunen kan ta omsyn til kapasiteten på skolane.

Det kan ikkje leggjast vekt på omsyn som vil vere i strid med nærskoleprinsippet som til dømes omsyn til lik belastning på skolane i kommunen, å samle elevar med funksjonsnedsetjing, vidareføring av skolar med svakt elevgrunnlag, spreiing av fagleg sterke og svake elevar, samling av minoritetselevar og spesialundervisningselevar. Forskrifta må likevel også opne for at det kan leggjast vekt på forhold ved den enkelte elev. Sosial utjamning kan også takast omsyn til ved fastsetjing av skolekrins, så framt dei andre momenta også blir varetatt.

Den skolen som er nærest i fysisk avstand, vil altså ikkje alltid vere den skolen eleven har rett til å gå på.

#### **12.5.4 Unntak frå dei fastsette skolekrinsane dersom skolen i krinsen er full**

Departementet foreslår at ei lokal forskrift om skolekrinsar må kunne opne for at kommunen kan gjere unntak frå dei fastsette skolekrinsane dersom skolen i krinsen er full.

Når skolekrinsane er vedtekne, skal kommunane fylle opp skolane med dei elevane som høyrer til den enkelte skolen. Det må likevel takast høgd for at det kan komme eit uventa høgt tal elevar flyttande til eit område, og at ein skole derfor ikkje har kapasitet til å ta imot alle elevane som soknar til skolen. Departementet meiner derfor at lova bør innehalde ein regel om at den kommunale forskrifta kan opne for unntak frå skolekrinsane dersom skolen i skolekrinsen barnet tilhøyrer, ikkje har ledig kapasitet.

Dersom ein elev ikkje får plass på ein skole fordi han er full, skal kommunen gjere enkeltvedtak om kva skole eleven tilhøyrer. Dersom tildeiling av skoleplassar skjer gjennom enkeltvedtak om skoleplass for kvar enkelt elev, kan kommunen leggje vekt på kapasiteten til skolane etter regelen i tredje ledd når han gjer vedtaket. Det er mogleg å klage på enkeltvedtak etter reglane i lovforslaget kapittel 29.

#### **12.6 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å lovfeste at alle barn i grunnskolen skal ha rett til å gå på ein skole i nærmiljøet, sjå forslaget til § 2-6 første ledd første punktum
- å vidareføre at kommunen kan gi forskrift om skolekrinsar, men å ikkje vidareføre unntaket frå kravet om at lokale forskrifter skal kunngjerrast i Norsk Lovtidend, sjå forslaget til § 2-6 første ledd andre punktum
- å lovfeste at kommunen skal leggje særleg vekt på kva skole som ligg nærmest heimen, når kommunen skal tildele skoleplassar eller fastsetje ei forskrift om skolekrinsar, men at kommunen også kan ta omsyn til topografi, trafikkforholda på skolevegen og kapasiteten på skolane, og at barn i same nabolag skal få gå på same skole, sjå forslaget til § 2-6 første ledd tredje og fjerde punktum
- å vidareføre at foreldra kan søkje om at barnet skal få gå på ein annan skole enn nærskolen, sjå forslaget til § 2-6 andre ledd

## 13 Plikt til å vere aktivt med i opplæringa, oppfølgningsplikt ved fråvær og lekser

### 13.1 Innleiing

Dette punktet tar for seg desse spørsmåla: om elevar skal ha plikt til å delta aktivt i opplæringa, om kommunen og fylkeskommunen bør ha ei lovfesta plikt til å følgje opp elevar med fråvær, og om lova bør presisere at elevane kan bli pålagde å gjere oppgåver utanfor skoletida (lekser).

### 13.2 Plikt til å vere aktivt med i opplæringa

#### 13.2.1 Dagens reglar

Elevar i grunnskolen «skal vere aktivt med i opplæringa», sjå opplæringslova § 2-3 fjerde ledd første punktum. Det same kravet er stilt til elevar i vidaregåande opplæring og til lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar, sjå opplæringslova § 3-4 andre ledd første punktum.

#### 13.2.2 Høyningsforslaget

I høyringa foreslo departementet å vidareføre at elevar skal vere aktivt med i opplæringa.

Med dette høyningsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 20.

#### 13.2.3 Høyningsinstansanes syn

Om lag 25 høyningsinstansar har komme med innspel til forslaget om å vidareføre plikta elevane har til å vere aktivt med i opplæringa. Alle høyningsinstansane støttar forslaget heilt eller delvis, mellom anna *Barneombodet, Bergen kommune, Oslo kommune, Skoleleder forbundet og Utdanningsforbundet*.

*Barneombodet* viser til at elevane ikkje berre har rettar etter lova, men også plikter, og at aktiv deltaking er viktig både for læringsutbyttet til den enkelte og for fellesskapet. I tillegg kan plikta bidra til eit betre skolemiljø.

*Norsk Lektorlag* støttar også forslaget og viser til at ettersom utdanning er eit av dei viktigaste velferdsgoda, bør elevane også ha eit sjølvstendig ansvar for å bidra med innsats og arbeid som utviklar kunnskap og ferdigheter. Dette ansvaret aukar naturlegvis gjennom skoleløpet etter kvart som elevane blir eldre. Pliktene til elevane bør derfor vere av meir grunnleggjande art ved skolestart og auke med alderen.

Fleire høyningsinstansar etterlyser ei klargjering av kva som ligg i plikta til å vere aktiv. *Lunner kommune* meiner forarbeida bør gi døme på forsømmingar av plikta. Organisasjonen *Voksne for barn* peikar på at dersom ein elev lèt vere å gjere ein aktiv innsats ut frå eigne føresetnader, kan skolen reagere mot dette. Samtidig peikar organisasjonen på viktigheita av at lærarar greier å engasjere, og at det ikkje er slik at elevar ønskjer, eller aktivt vel, å droppe fellesskapet ved ikkje å delta i undervisninga.

#### 13.2.4 Departementets vurdering

Departementet foreslår at regelen om at elevane skal delta aktivt i opplæringa, blir vidareført i ny opplæringslov. Departementet meiner det er viktig at elevane deltek aktivt i opplæringa. Det har noko å seie både for opplæringa til den enkelte og for fellesskapet i skolen. Forslaget om å vidareføre at elevar skal vere aktivt med i opplæringa, fekk brei støtte i høyringa av forslaget frå opplæringslovutvalet og i høyringa til departementet.

Fleire høyningsinstansar ber departementet om å klargjere innhaldet i plikta og konsekvensane av at plikta ikkje blir oppfylt. Departementet viser til at forslaget er ei vidareføring av dagens regel. Eit krav om å delta aktivt i opplæringa følgjer i dag av opplæringslova § 2-3 fjerde ledd første punktum for elevar i grunnskolen og av § 3-4 andre ledd første punktum for elevar i vidaregåande opplæring, lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar. Plikta til å delta aktivt i opplæringa inneber til dømes at eleven skal møte punktleg til timane, utføre gjeremål,

levere innleveringar og vere merksam i timane utan å vere på sosiale medium eller forstyrre undervisninga.

Plikta til elevane blir spegla av i eit krav til skolane om å organisere og gjennomføre opplæringa slik at det blir mogleg for elevane å delta aktivt, jf. reglane om tilpassa opplæring.

Dersom ein elev lèt vere å gjere ein aktiv innsats ut frå eigne føresetnader, kan skolen reagere mot dette.

Reaksjonar som skal kunne brukast som tiltak ved brot på plikta til å vere aktivt med i opplæringa, må fastsetjast i skolereglane. Skolereglar blir fastsette av kommunane og fylkeskommunane, sjå forslaget til § 10-7, omtalt i punkt 34.

### 13.2.5 Departementets forslag

Departementet foreslår å vidareføre regelen om at elevar skal vere aktivt med i opplæringa, sjå forslaget til § 10-6 første ledd første punktum.

## 13.3 Oppfølgingsplikt ved fråvær

### 13.3.1 Dagens reglar

Etter dagens reglar skal kommunen og fylkeskommunen følgje opp elevar som har fråvær frå opplæringa, sjølv om dette ikkje kjem tydeleg fram av opplæringslova. Oppfølgingsplikta til kommunen blir mellom anna uteidd av plikta kommunen har til å oppfylle retten til grunnskoleopplæring. Tilsvarande følgjer oppfølgingsplikta for fylkeskommunen av at fylkeskommunen skal oppfylle retten til vidaregående opplæring.

Kommunen skal ha internkontroll for å sikre at plikta blir følgd opp, jf. opplæringslova §§ 13-1 og 13-10 og kommunelova § 25-1. Barn og unge har på si side både rett og plikt til grunnskoleopplæring, jf. opplæringslova § 2-1. Dersom ein elev utan å ha rett til det har fråvær frå den pliktige opplæringa, kan foreldre eller andre som har omsorg for eleven, bli straffa med bøter, jf. § 2-1 femte ledd.

Kommunen og fylkeskommunen skal ha eit system for føring av fråvær, og det er regulert korleis fråværet skal førast på vitnemålet, jf. forskrift til opplæringslova §§ 3-36, 3-38 og 3-45. Etter forskrifa skal foreldra til umyndige elevar varslast om fråværet til eleven, jf. §§ 20-3 og 20-4.

### 13.3.2 Høyningsforslaget

Departementet foreslo å lovfeste ei plikt for kommunen og fylkeskommunen til å følgje opp elevar som har fråvær frå opplæringa.

Med dette høyningsforslaget følgde departementet delvis opp forslaget frå opplæringslovutvallet i NOU 2019: 23, kapittel 20, som også foreslo å lovfeste ei plikt for kommunen og fylkeskommunen til å følgje opp fråvær, men berre for elevar med høgt fråvær frå opplæringa.

### 13.3.3 Høyningsinstansanes syn

#### Lovfesting av oppfølgingsplikta

Totalt 66 høyningsinstansar har uttalt seg om høyningsforslaget. Departementets forslag får støtte av det store fleirtalet av høyningsinstansane som uttaler seg. 51 høyningsinstansar støttar forslaget, og 14 støttar forslaget delvis.

Blant høyningsinstansane som støttar høyningsforslaget heilt eller delvis, er *Barneombodet*, ei rekke kommunar, *Elevorganisasjonen*, *Foreldreutvalet for grunnopplæringa*, *Nasjonalt nettverk for skolefråvær og nærvær*, *Norsk Lektorlag*, *Skolelederforbundet*, *Utdanningsforbundet* og *Utdanningsdirektoratet*.

#### Innhaldet i oppfølgingsplikta

Dei aller fleste høyningsinstansane støttar at det blir lovfesta ei oppfølgingsplikt i tilknyting til *alt* fråvær, ikkje berre for *høgt* fråvær. *Kvam herad* uttaler at det ofte er vanskeleg for elevar som har hatt eit stort fråvær over tid, å vende tilbake til skolen, og at det derfor er viktig å ta tak i fråværsproblematikken på eit tidleg tidspunkt. *Nasjonalt senter for læringsmiljø og atferdsforskning ved Universitetet i Stavanger* trekkjer fram at førebyggjing og tidleg innsats er avgjerande, og at «å vente og sjå» ikkje er ein god strategi for å motverke fråvær.

Enkelte høyningsinstansar meiner at ikkje alt fråvær utan vidare skal følgjast opp, og ønskjer i staden nærmare kriterium for kva fråvær som utløser oppfølgingsplikta. *Statsforvaltaren i Vestland* meiner at terskelen bør gå ved det fråværet som er urovekkjande. Statsforvaltaren meiner at for enkelte elevar vil det bety oppfølging frå første dag, og for andre ikkje. *Norsk Lektorlag* ber departementet vurdere om oppfølgingsplikta bør differensierast for grunnskolen (til dømes alt fråvær) og vidaregåande opplæring (til dømes berre høgt fråvær), eller etter alder (om eleven er under eller

over 18 år). Enkelte kommunar gir si støtte til at berre høgt fråvær skal utløyse oppfølgingsplikt, slik opplæringslovutvalet foreslo. Departementet nemner at nokre av desse kommunane synest å tru at dette også var forslaget frå departementet.

Nokre høringsinstansar har innspel til at oppfølgingsplikta er formulert som ei sørge for-plikt i lovforlaget. Dei fleste som uttaler seg om spørsmålet, støttar formuleringa. *Asker kommune* viser til at det kan vere samansette årsaker til at elevar utviklar høgt fråvær. Tiltak for å jobbe førebyggjande og tiltak for å følgje opp enkeltelevar må derfor vere tilpassa situasjonen til den enkelte eleven. *Asker kommune* støttar derfor forslaget frå departementet om eit overordna sørge for-ansvar for kommunen, som opnar for stort lokalt handlingsrom. Nokre høringsinstansar ønskjer derimot ikkje eit stort handlingsrom for kommunane, blant dei *Barneombodet*. *Barneombodet* er bekymra for lokale variasjonar og for om skolen og kommunen har ressursar og kompetanse til å følgje opp elevane på rett måte. Barneombodet meiner at det bør lovfestast fleire krav til oppfølginga skoleeigaren gjer av fråvær. *Statsforvaltaren i Oslo og Viken* opplyser at embetet får førespurnader frå kommunar med ønske om klarare rettleiing om korleis elevar med omfattande fråværproblemikk skal følgjast opp. Statsforvaltaren reiser på denne bakgrunnen problemstillinga om kommunane bør ha eit litt mindre handlingsrom i paragrafen.

*KS* har i høringsinnspelet sitt ikkje kommentert forslaget om å lovfeste ei oppfølgingsplikt ved fråvær spesielt, men har generelt uttalt at for å gjere lova brukarvennleg og brukande bør det komme tydeleg fram av lovtteksten kva som er plikter. *KS* meiner at formuleringar av typen «sørge for» og «krav til» skaper uklarleik om innhaldet i regelen og om kva konsekvensar reglane har for internkontroll og tilsyn.

Fleire høringsinstansar meiner at det er behov for tydelege merknader i forarbeida til lova om det nærrare innhaldet i oppfølgingsplikta, blant dei *Bergen kommune*. *Barneombodet* etterlyser rettleiing om oppfølgingsplikta, inkludert rettleiing om gode tiltak for å førebyggje og handtere fråvær.

#### *Behandling av personopplysningar*

*Trondheim kommune* meiner at personvernomsyn ikkje er tilstrekkeleg klargjort i høringsforslaget. Kommunen viser til at oppfølging av alt fråvær kan innebere eit større behov for informasjon om

fråværssårsak når foreldre melder fråvær, og at slik informasjon er sensitive personopplysningar.

#### *Økonomiske og administrative konsekvensar*

Enkelte høringsinstansar meiner at forslaget har økonomiske og administrative konsekvensar, blant dei *Agder fylkeskommune* og *Vestfold og Telemark fylkeskommune*. *Viken fylkeskommune* uttaler:

*Viken fylkeskommune* stiller seg spørrende at departementets på s. 613 i høringsnotatet legger til grunn at oppfølgingsplikten ikke vil ha økonomiske eller administrative konsekvensar for fylkeskommunen fordi de allerede har systemer som sikrer at de har oversikt over elevenes fravær. Departementet viser til dagens indirekte plikt og allerede eksisterende systemer som sikrer oversikt over elevfravær. Dagens oppfølging er knyttet til å følge opp elever med for høyt fravær i enkeltfag. Lovforlaget inkluderer forebygging av generelt fravær på tvers av fag, som krever individuelt tilpassende tiltak og god oppfølging før fraværret er for høyt. Departementet forutsetter at fylkeskommunen selv skal bestemme hvordan elevene skal følges opp, inkludert hvilke tiltak som skal settes inn. Det omfatter å sørge for at personalet som har tjenstlig behov for tilgang til personopplysninger om fravær. Dette vil ha følgekonsekvenser for skolens eksisterende ressurser. Kontaktlærertjeneste for elever er begrenset i særavtalen SFS 2213, hvor kontaktlærerens oppgaver allerede er under press. Den systematiske oppfølgingen fordrer ressurser og kompetanse til personell som utfører støtteoppgaver.

*Narvik kommune* meiner at plikta vil føre til meir internkontroll, rutinar og dokumentasjon, samtidig som kommunen ser verdien av ei god oppfølging av elevar som står i fare for å falle ut av skoleløpet.

*Sola kommune* gir vilkårsbunden støtte til høringsforslaget så lenge det ikkje fører til strengare kontroll med praksisen til grunnskolane i form av auka dokumentasjonskrav enn det kommunen sitt eige system legg opp til, auka tilsyn frå statsforvaltaren eller innføring av fråværsgrense for ungdomsskoleelevarne.

*Norsk Lektorlag* uttaler at for gjennomføring av plikta må det sikrast eit minimum av ressursar til dette arbeidet. *Norsk Lektorlag* erfarer at skolane ofte legg oppfølgingsansvaret til kontakt- og

faglærarar, og meiner at ansvaret i framtida kan bli ei oppgåve for sosialpedagogiske rådgivarar. *Utdanningsforbundet* meiner at høvet skolane har til å følgje opp plikta til kommunen og fylkeskommunen, kan innebere behov for ekstra tids- og personalressursar.

Høyringsinnspele om økonomiske og administrative konsekvensar blir vurderte i punkt 68.8.

### 13.3.4 Departementets vurdering

#### Lovfestig av oppfølgingsplikta

Departementet foreslår å lovfeste plikta for kommunen og fylkeskommunen til å følgje opp elevar som har fråvær frå opplæringa. Formålet med lovfestinga er å oppnå meir nærvær i skolen og førebyggje at elevar utviklar urovekkjande eller høgt fråvær, gjennom på eit tidleg stadium å avdekkje årsaka til og følgje opp fråværet.

Mange elevar har eit relativt høgt fråvær frå opplæringa i vidaregåande skole, og det er store forskjellar mellom fylkeskommunane. Samtidig viser fråværstal frå Utdanningsdirektoratet for elevar på 10. trinn at nokre elevar har eit høgt fråvær, og at det er relativt store lokale forskjellar i elevfråværet.

Sjølv om kommunar og fylkeskommunar skal følgje opp elevar som har fråvær frå opplæringa i dag, meiner departementet at ei lovfestig av plikta vil gjere det tydelegare at skolane skal følgje opp fråvær. I Spørsmål til Skole-Noreg 2019 vart kommunane stilt ei rekke spørsmål om registrering og oppfølging av fråvær i grunnskolen. Svara viser at 90 prosent av kommunar med meir enn éin grunnskole har eit felles system for oppfølging av fråvær. Vidare har 94 prosent av grunnskolane rutinar eller system for å følgje opp fråvær. Andelen er høgast i større kommunar. Det er likevel berre 47 prosent av skolane som svarer at dei har rutinar for å følgje opp elevar som kjem tilbake etter fråvær i lengre tid. Andelen er mindre i små kommunar. Svara viser vidare at 86 prosent av grunnskolane har særlege rutinar for å følgje opp elevar med høgt sporadisk fråvær. Ein tredel av små kommunar har ikkje slike rutinar. To av tre grunnskolar har rutinar for å kople på andre ressurspersonar eller yrkesgrupper ved høgt fråvær.

I sluttrapporten *Suksess og besvær – evaluering av fråværsgrensen i vidaregående skole 2019–2019* (Fafo-rapport 2020:09, på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet) kjem det fram at skolane har varierande praksisar for korleis dei følgjer opp elevar som risikerer å overskride fråværsgrensa i eitt eller fleire fag.

Departementet meiner at oppfølgingsplikta framleis bør ligge på kommunen og fylkeskommunen, ikkje på den enkelte skolen eller læraren, men legg til grunn at kommunane og fylkeskommunane ofte vil delegera myndet til skolane ved rektør.

Departementet legg mellom anna vekt på at departementets forslag fekk brei støtte i høyringa, og på at det både i grunnskolen og vidaregåande opplæring er for mange elevar med høgt fråvær. At elevane er til stades og deltek i opplæringa, er sentralt for å nå måla med grunnopplæringa. Fafos rapport med sluttbevaluering av fråværsgrensa i vidaregående skole (2020) viser at alle elevgruppene er meir på skolen, men at enkelte elevgrupper ikkje har redusert fråværet tilstrekkeleg. At skolane i varierande grad følgjer opp elevar som risikerer å overskride fråværsgrensa i eitt eller fleire fag, tilseier at oppfølgingsplikta bør komme tydeleg fram av ny opplæringslov for å sikre at elevar i sårbarer situasjonar får nødvendig oppfølging.

#### Innhaldet i oppfølgingsplikta

Departementet meiner at kommunen og fylkeskommunen eller den desse delegerer mynde til, bør få stort lokalt handlingsrom, og foreslår derfor at plikta blir formulert som ein sørge forregel.

Kommunen og fylkeskommunen avgjer sjølve korleis elevane skal følgjast opp, men korleis elevane blir følgde opp, må sjåast i samanheng med årsaka til fråværet og kor langvarig og hyppig det er. Oppfølginga må vere eigna til å oppfylle formålet med lovfestinga av regelen, som er å arbeide for meir nærvær i skolen og å betre moglegheita kvar enkelt elev har til å fullføre og bestå grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. Plikta må også sjåast i lys av pliktene kommunen og fylkeskommunen har etter reglane om skolemiljø og tilpassa undervisning.

Departementet meiner at alt fråvær som elevane har frå opplæringa, skal følgjast opp – ikkje berre høgt fråvær. Departementet meiner plikta må innrettast slik at kommunen, fylkeskommunen må følgje opp elevar før dei har mista mykje opplæring, ikkje først når fråværet er byrja å reknast som høgt. Det store fleirtalet av høyringsinstansane støttar dette. Departementet viser særleg til høyringsinnspele fra *Kvam herad* og *Nasjonalt senter for læringsmiljø og atferdsforskning (Universitetet i Stavanger)* om at det er viktig å ta tak i fråværsgrensa i eit tidleg

tidspunkt, og at førebygging og tidleg innsats er avgjerande.

Plikta skal bidra både til å førebyggje fråvær generelt og til å hindre at fråværet blir for høgt for kvar enkelt elev. For å kunne førebyggje ytterligare fråvær, vil det ofte vere nødvendig å avdekke og følgje opp bakgrunnen for fråværet. Dersom skolen skal greie å både førebyggje fråvær og avdekke ueheldige fråværsmønster, føreset det både registreringsrutinar og individuell oppfølging.

At plikta skal omfatte alt fråvær, ikkje berre høgt eller urovekkjande fråvær, inneber likevel ikkje at kommunen får ei omfattande handlingsplikt ved alt fråvær. I mange tilfelle vil det ikkje vere behov for nærmere oppfølging frå skolen, til dømes når årsaka til fråværet er influensa eller andre vanlege helseutfordringar som går over av seg sjølv. I andre tilfelle kan det vere behov for meir oppfølging sjølv om fråværet er kort. Det gjeld særleg dersom fråværet gjentek seg.

Lovfestinga er ei tydeleggjering og synleggjering av eksisterande reglar. I dag gjeld det ei ulovfesta plikt for kommunane og fylkeskommunane til å følgje opp elevar med fråvær. Lovfesting inneber ikkje at kommunane og fylkeskommunane blir pålagde nye plikter samanlikna med kva dei har i dag. Slik som i dag kan kommunane og fylkeskommunane sjølv avgjere korleis elevar med fråvær skal følgjast opp.

#### *Behandling av personopplysningar*

Det er allereie i dag plikt til å ha oversikt over fråværet til elevane, jf. forskrift til opplæringslova §§ 3-36, 3-38 og 3-45, og ei ulovfesta plikt til å følgje opp fråværet til elevane i kraft av den lovfaste plikta til å tilby opplæring. Oppfølginga krev behandling av personopplysningar, av og til også av særlege kategoriar av personopplysningar etter personvernforordninga artikkel 9.

Det nye etter forslaget er at oppfølgningsplikta blir lovfast. Lovfestinga i seg sjølv vil ikkje føre til behandling av fleire personopplysningar.

Rettssgrunnlaget for behandlinga vil vere den foreslåtte lovregelen i forslaget til § 10-6 første ledd andre punktum, saman med forslaget til § 25-1 og personvernforordninga artikkel 6 nr. 1 bokstav c og e og artikkel 9 nr. 2 bokstav g. Det er sjølv oppgåva – å sørge for at fråværet til elevane blir følgt opp – som vil gi rammene for kva opplysningar som kan behandlast, og i kva utstrekning. Det følgjer av forslaget til § 25-1 første ledd at personopplysnin-

gar kan behandlast berre så langt det er nødvendig for den konkrete oppgåva eller plikta.

Den behandlingsansvarlege (kommunen eller fylkeskommunen) har ansvaret for å følgje opp regelverket for all behandling av personopplysningar, inkludert mellom anna plikt til å sikre at berre dei som har behov for opplysningane, har tilgang til dei.

#### **13.3.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår å lovfeste ei plikt for kommunen og fylkeskommunen til å følgje opp elevar som har fråvær frå opplæringa, sjå forslaget til § 10-6 første ledd andre punktum.

---

### **13.4 Lekser**

#### **13.4.1 Dagens reglar**

Lekser er ikkje regulerte i opplæringslova. Det er likevel lagt til grunn at skolen kan gi elevane leksar fordi lekser er ein del av den ordinære aktivitetten i skolen.

Kommunane skal ha eit tilbod om leksehjelp i grunnskolen, jf. opplæringslova § 13-7 a.

Noreg er, gjennom barnekonvensjonen artikkel 31 nr. 1, forplikta til å anerkjenne retten barnet har til kvile og fritid og til leik og fritidsaktivitetar som passar for alderen til barnet, og til fritt å delta i kulturliv og kunstnarisk verksemd.

FNs barnekomité har kommentert barnekonvensjonen artikkel 31 i Generell kommentar nr. 17 om retten barnet har til kvile, fritid, leik, fritidsaktivitetar, kulturliv og kunstnarisk verksemd. Når det gjeld press om skoleprestasjonar, konstaterer komiteen at barn i mange delar av verda «blir nektet rettigheter i henhold til artikkel 31 som en konsekvens av vekt på formell akademisk suksess». Eitt av døma som blir nemnde, er lekser som fortrengjer tida barn har til fritt å velje fritidsaktivitetar. Om oppbygginga av dagen skriv komiteen:

Lovbestemmelser, innbefattet lekser, skal garantere riktig tidspunkt i løpet av dagen for å sikre at barn har tilstrekkelig mulighet for hvile og leik, i samsvar med deres alder og utviklingsbehov [...].

Konvensjonen inneber ikkje at lekser ikkje kan givast, men at dei må givast på ein slik måte at barna blir sikra tilstrekkeleg kvile og leik.

### 13.4.2 Høyringsforslaget

Departementet foreslo

- å regulere i opplæringslova at skolen kan påleggje elevane å gjøre oppgåver utanfor skoletida (lekser), men slik at det må takast omsyn til at elevane har rett til både kvile og fritid
- å presisere at berre skolen, og ikkje kommunen og fylkeskommunen, skal kunne avgjere om skolane skal gi lekser eller ikkje

Med dette høyringsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 20, men slik at kommunen og fylkeskommunen ikkje skal kunne bestemme om skolane skal gi lekser eller ikkje, ved å gjøre vedtak om dette sentralt på generelt grunnlag. I høyringa vart det presisert at det berre er skolen som kan påleggje elevane å gjøre lekser.

### 13.4.3 Høyringsinstansanes syn

Spørsmålet om opplæringslova skal innehalde ein heimel som gir skolane høve til å påleggje lekser, har vekt stort engasjement blant høyringsinstansane. Departementet har fått 103 høyringsinnspel om spørsmålet. 18 høyringsinstansar støttar høyringsforslaget heilt. 15 høyringsinstansar støttar forslaget delvis. 70 høyringsinstansar støttar av ulike årsaker ikkje forslaget.

Omtrent halvparten av høyringsinstansane som ikkje støttar forslaget, er imot lekser utanom skoletida. Dei fleste innanfor denne gruppa er privatpersonar, men det er også nokre organisasjoner som *Elevorganisasjonen* og *Redd Barna*. Dei resterande er imot forslaget fordi dei ikkje meiner det er behov for ein lovheimel for å gi lekser, men dei er ikkje imot bruk av lekser i opplæringa. Dette inneber at det totalt sett er eit fleirtal for at lekser skal kunne givast, men at det er usemjøle blant fleirtalet om det er skolane eller kommunen og fylkeskommunen som skal ha mynde til å gi lekser, og om det er behov for ein heimelsregel.

Blant høyringsinstansane som støttar forslaget heilt eller delvis, er ei rekke kommunar, *Norsk Lektorlag*, *Skoleleder forbundet* og *Utdanningsforbundet*.

*Utdanningsforbundet* støttar i hovudsak forslaget frå departementet. *Utdanningsforbundet* meiner at skolen ut frå kompetanse og kjennskap til elevane er best til å vurdere korleis opplæringa til elevane skal organiserast og gjennomførast. *Utdanningsforbundet* er også samd i at lærarar og leiarar på skolen i fellesskap må sørge for at belastningane ved skolearbeidet ikkje blir urime-

lege for elevane. *Norsk Lektorlag* støttar også regelen, men meiner at det må presiserast i lovtekst eller i forarbeid at valet av lekser skal byggje på ei fagleg-pedagogisk vurdering, og at mengda og typen skal vere opp til læraren. *Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning* gir si støtte til at myndet til å ta avgjerder skal leggjast til skolen, men presiserer at det er svært viktig at lekser, når dei blir gitt, blir gitt med omhug og i dialog med heimen og eleven.

Blant kommunar og fylkeskommunar som støttar forslaget, er *Rogaland fylkeskommune*, *Viken fylkeskommune*, *Askøy kommune*, *Bergen kommune*, *Klepp kommune*, *Lunner kommune*, *Nittedal kommune*, *Skien kommune* og *Time kommune*.

*Askøy kommune* framhevar at elevane må trenre for å bli gode i grunnleggjande ferdigheter som lesing, skriving og rekning. *Midt-Telemark kommune* kommenterer at gode lekser kan bidra til å vidareutvikle arbeidsvanane, sjølvdisiplinen og evna elevane har til sjølvstendig problemløysing, til at foreldra kan følgje med, og til å få nyttig tilbakemelding på leksene frå læraren.

Fleire av høyringsinstansane som støttar forslaget, presiserer at ein må bruke lekser medvite, og at retten barn har til kvile og fritid, må respekterast. Fleire høyringsinstansar meiner at lekseomgrepet må gjerast tydeleg når det gjeld formål, innhald og individuell tilpassing til føresetnadene til eleven. *Løvemammaene* og *Norsk Tourette Forening* ønskjer at lekser berre skal kunne givast dersom dette etter ei individuell fagleg-pedagogisk vurdering blir rekna som tenleg. Enkelte høyringsinstansar meiner at departementet bør kunne gi forskrift om lekser med nærmere kriterium og kvalitetsindikatorar for kva lekser skal vere, blant desse er *Foreldreutvalet for grunnoppplæringa (FUG)*. Enkelte høyringsinstansar meiner at omgrepet «lekser» er utdatert, og bør erstattast med til dømes «repetisjons- og førebuingssarbeid» eller «heimearbeid».

Enkelte høyringsinstansar tek til orde for at spørsmålet om lekser skal givast, bør avgjera av skolen i samarbeid med skoledemokratiet. *FUG* meiner at skolen i samarbeid med rådsorganet til skolen bør avgjere kva leksepraksis som blir ført på den enkelte skolen. *Skolenes landsforbund* er mot lovfesting og meiner at om det skal vere lekser, må vere opp til samarbeidet mellom skolen og heimen.

Ei rekke høyringsinstansar, under dette fleire kommunar, ønskjer at myndet til å gi lekser blir plassert hos kommunane, ikkje hos den enkelte skolen. *Oslo kommune* meiner at den foreslårte

lovheimelen går for langt i å innskrenke handlingsrommet til kommunen i å gjere eventuelle vedtak om endringar i organiseringa av skoledagen, slik at kommunen og fylkeskommunen ikkje har moglegheit til å vedta på overordna nivå om det skal opnast for bruk av lekser eller ikkje.

*KS* og *LO* er blant høyringsinstansane som meiner det ikkje er behov for å lovfeste at lekser kan givast.

*KS* støttar ikkje ei lovregulering fordi det bryt med grunnprinsippet om at det er avgrensingane i det kommunale handlingsrommet som skal ha heimel i lov, ikkje kva kommunen eller fylkeskommunen har lov til å gjere. *KS* meiner også at vurderinga av om det skal givast lekser eller ikkje, primært tilhører profesjonen og deretter lokale drøftingar på skole- og kommune- eller fylkeskommunenivå. Høyringsinnspelet blir støtta av fleire kommunar.

Fleire kommunar meiner at ein i staden for lovfesting av høvet til å gi lekser burde gi døme i forarbeida på kva mynde skoleeigar har etter kommunelova § 2-1 som følgje av å vere ansvarleg for grunnoplæringa.

Fleire høyringsinstansar meiner at ei lovregulering kan gi signaleffekt om at lovgivar ønskjer meir lekser.

Departementet har fått høyringsinnspel fra omrent 40 privatpersonar (dei aller fleste foreldre til skolebarn) som meiner at det ikkje skal vere høve til å påleggje elevar å gjere lekser på fritida. Svært mange trekkjer fram at lekser er ei av dei hyppigaste kjeldene til konflikt og kranglar i heimen, og at lekser verkar demotiverande på barnet. Fleire peikar på at lekser må pressast inn mellom SFO, middag og fritidsaktivitetar og grip inn i den allereie avgrensa tida familien har til å gjere noko positivt saman i kvardagen. Ein forelder spør korleis det kan forventast at begge foreldre skal jobbe heiltid, reise fram og tilbake til jobb, lage middag, kjøre barna til aktivitetar og følgje opp lekser kvar dag. Fleire viser til at vaksne er ferdig med arbeidet når dei forlèt jobb, og at det burde vere slik for barna òg. Fleire viser også til at lekser bidreg til å auke dei sosiale forskjellane. Foreldre har ulike føresetnader for å hjelpe barna, og barna har også ulike føresetnader for å løyse leksene. Ein privatperson trekkjer fram at spesielt elevar som slit på skolen, treng fritid og kvile. Ein annan privatperson kommenterer at lekser stel tid og fokus frå det barnet og unge lærer på fritida. Elevane har eit viktig liv utanfor skolen, og dei lærer på mange ulike måtar og arenaer i dag. Endeleg er det fleire som peikar på at leksar heng

igjen frå ei anna tid, då det var mindre skole og det som regel var ein forelder som var heimeverande.

*Elevorganisasjonen* stiller seg svært kritisk til forslaget. *Elevorganisasjonen* meiner at det finst tilfelle der lekser kan vere eit pedagogisk hjelpemiddel, men at nålauget er så smalt at lekser ofte gjer meir skade enn godt og øydelegg meistring og lærelyst. *Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring (NAFO)* meiner at lovforslaget kan legitimere ein praksis som kan forsterke sosiale forskjellar. *Oslo kommunale foreldreutval* støttar ikkje høyringsforslaget og meiner at regelen er for inngripande i rettssfæren til foreldra. Også *Redd Barna* er kritisk til forslaget.

35 forskrarar frå universitets- og høgskolesekturen innan pedagogikk har sendt inn eit samla høyringsinnspel. Gruppa ønskjer å endre den foreslalte regelen til «Skolen kan ikkje påleggje elevane å gjere oppgåver utanom skoletid (lekser).» Gruppa viser mellom anna til at forsking ikkje viser nokon tydeleg samanheng mellom lekser og læring eller utvikling av gode arbeidsvanar hos elevar, og at det er stor variasjon i kva slags hjelp og støtte til leksearbeid elevar kan få av foreldra. Gruppa viser også til positive erfaringar frå leksefrie skolar, der foreldre opplever at dei får ein heilt annan kvardag, der barna deira er meir motiverte for skolen og gladare heime, og om barn som er meir motiverte for å jobbe frivillig med lesing eller anna skolearbeid heime. Gruppa *Fagfolk for leksefri skole* har komme med eit høyringsinnspel underteikna av i underkant av 50 lærarar, psykologar, spesialpedagogar og andre yrkesgrupper med tilknyting til skolen. Også denne gruppa foreslår leksefri skole og ønskjer same lovregel som i høyringsinnspelet frå forskarane gitt att ovanfor.

Når det gjeld dei økonomiske eller administrative konsekvensane av forslaget, uttrykkjer fleire kommunar bekymring for at ei lovregulering vil påføre skolen og kommunen ei større byrde med rapportering, oppfølging og kontroll.

### 13.4.4 Departementets vurdering

#### Kva ein lovregel om lekser inneber

Departementet viser til at skolen etter gjeldande rett kan gi elevane lekser så lenge lekser blir gitt på ein måte som sikrar at barn får tilstrekkeleg kvile og leik. Når det blir gitt lekser, er det ein del av den ordinære aktiviteten i skolen og ein del av grunnskoleopplæringa som barn og unge har plikt til å delta i. At kommunen, fylkeskommunen eller den enkelte skolen kan organisere undervis-

ninga på ein måte som inkluderer lekser, følgjer av plikta til å tilby og oppfylle retten til grunnskoleopplæring og vidaregående opplæring. Gjennom at kommunen og fylkeskommunen er gitt i oppgåve å tilby opplæring, kan dei ta avgjerder som kan ha betydning for elevar og foreldre, til dømes om obligatoriske skoleutflukter og foreldremøte. Departementet viser til drøftinga om kompetansen til kommunen og fylkeskommunen i punkt 4.5.3.

Departementet viser til at opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, s. 225, punkt 20.4.3, foreslo at lova skulle presisere at elevane kan påleggjast lekser, ettersom det av og til blir stilt spørsmål ved heimelsgrunnlaget. Departementet er i utgangspunktet samd med *KS* og fleire andre høyringsinstansar som viser til at det å kunne gi lekser ikkje treng direkte lovheimel, men foreslår likevel at høvet til å gi lekser blir lovfesta.

Utgangspunktet er at lærarane sjølv avgjer om og korleis lekser skal givast etter eigne faglege vurderingar, innanfor dei eventuelle føringane som blir gitt av rektor eller av kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget inneber altså ikkje at kommunane og fylkeskommunane må ta aktivt stilling til spørsmålet om lekser, men at dei vil ha høve til å ta ei overordna avgjerd om leksebruk, dersom dei ønskjer det.

Kommunen og fylkeskommunen kan vedta å vere lekfri. Kommunen og fylkeskommunen kan også aktivt vedta at skolane i kommunen deira kan gi elevane lekser, men den enkelte læraren må framleis kunne gjere nødvendige tilpassingar i leksemengd og -innhald til enkeltelevar, sjá omtale i dei neste to punkta.

Departementet påpeikar at forslaget inneber ein noko endra regel samanlikna med høyringsforslaget. I høyringsforslaget vart myndet til å gi lekser plassert berre hos skolane, noko som innebar at kommunen og fylkeskommunen etter forslaget ikkje ville ha moglegheit til å styre leksepraksisen til skolane sentralt. Departementet meiner at ein slik regel, der kommunen og fylkeskommunen ikkje kan påverke om skolane kan gi lekser, vil vere uheldig. Departementet viser vidare til at ei rekkje høyringsinstansar ønskjer at myndet skal leggjast til kommunane og fylkeskommunane, og berre eit fåtal høyringsinstansar har gitt si uttrykkjelege støtte til at myndet skal liggje hos skolane.

Departementet har merka seg dei mange høyringsinnspeila som tek til orde for eit nasjonalt forbod mot lekser. Departementet meiner at dette spørsmålet bør løysast lokalt. Departementet meiner at det framleis bør vere mogleg å nytte lekser i

opplæringa. Dette inneber som tidlegare nemnt ikkje at skolane eller kommunen og fylkeskommunen pliktar å ha lekser. Som departementet kjem tilbake til nedanfor, må likevel lekser tilpassast retten elevane har til kvile og fritid.

#### *Innhaldet i leksene*

Fleire høyringsinstansar har teke til orde for at det bør lovfestast noko om kva innhaldet i lekser skal eller kan vere, til dømes at lekser skal vere pedagogisk grunngitt, basert på forsking og tilpassa føresetnadene til elevane. Departementet meiner at det ikkje er tenleg å regulere innhaldet i lekser nærmare i lova. Vurderinga av om det skal givast lekser, er lagd til kommunen og fylkeskommunen. Innanfor denne ramma må skolane og lærarane kunne vurdere omfanget av og innhaldet i leksene og gjere nødvendige tilpassingar i leksemengda etter føresetnadene til enkeltelevar og i samsvar med retten til kvile og fritid. Departementet viser i samband med dette også til § 10-2 i lovforslaget om retten elevane har til medverknad.

Departementet vil understreke at lekser kan vere ein del av det pedagogiske arbeidet til skolen med opplæring i faga og er ein av fleire moglege arbeidsmåtar i skolen. Brukt rett kan lekser bidra til betre læringsresultat for den enkelte eleven. Brukt feil kan lekser gjere at elevar blir sitjande åleine med arbeid dei ikkje meistrar, og dermed verke negativt inn på motivasjon, trivsel og læring. Lekser elevane ikkje meistrar, vil også kunne forsterke forskjellar mellom elevar som har mykje støtte heime, og dei som ikkje har det. Det er viktig at lekser inngår i ein pedagogisk samanheng, og at dei blir tilpassa i tråd med tilrådingane frå forskinga. Prinsippa om tilfredsstillande utbytte av opplæringa og tilpassa opplæring gjeld også for lekser, jf. §§ 11-1 og 11-2. Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at opplæringa blir lagd til rette og blir tilpassa evnene og føresetnadene til den enkelte eleven. Medverknad og eit godt samarbeid mellom heim og skole er viktig for å tilpasse leksene etter evnene og føresetnadene til elevane.

#### *Retten til kvile og fritid*

Kommunen og fylkeskommunen er etter forslaget ansvarlege for at skolen tek omsyn til retten elevane har til kvile og fritid, og foreslår å lovfeste dette kravet. Kravet må forståast i lys av retten barnet har til kvile og fritid etter barnekonvensjonen artikkel 31. Departementet viser til at lovfestinga vil innebere ei dobbeltregulering med bar-

nekonvensjonen. Dobbeltreguleringar skal etter retningslinjene for regelstyring i utgangspunktet unngåast, jf. punkt 4.5.7. Departementet meiner likevel at retten til kvile og fritid bør presiserast i samband med lovfestinga av høvet til å gi lekser, fordi retten elevane har til kvile og fritid, utgjer ei sentral avgrensing i høvet skolen har til å pålegge elevane lekser. Departementet meiner at pedagogiske omsyn tilseier at avgrensinga bør komme fram direkte av lovteksten.

I praksis vil det vere skolen som må sørge for at elevane får tilstrekkeleg kvile og fritid når lærarane gir lekser, mellom anna ved å sjå på den samla belastninga som heimearbeidet utgjer. Lærarane bør samarbeide og planleggje i fellesskap for å unngå at elevane får ei for høg belastning av

heimearbeid. Lekser som varetok retten til kvile og fritid for dei fleste elevane i ein klasse, kan likevel gå ut over retten enkelte elevar har til kvile og fritid, og skolen må ta omsyn til dette. Kommunen og fylkeskommunen kan fastsetje rutinar som skal sikre at elevane får oppfylt retten sin til kvile og fritid, som ein del av internkontrollen sin etter kommunelova § 25-1.

#### **13.4.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår å presisere at elevane kan bli pålagde å gjere lekser, det vil seie oppgåver utanom skoletida, og at det må takast omsyn til at elevar har rett til kvile og fritid, sjå forslaget til § 10-6 andre ledd.

## 14 Organiseringa av opplæringa

### 14.1 Innleiing

Dette punktet handlar om lengda på skoleåret, fastsetjinga av skoledagar og feriedagar (ofte kalla skolerute) og dagleg skoletid. Vidare handlar det om forholdstal mellom talet på lærarar og talet på elevar per skole eller per kommune og om gruppestørleikar og inndeling i grupper.

### 14.2 Dagens reglar

#### 14.2.1 Skoleåret og skole- og feriedagar

Opplæringa i grunnskolen skal strekkje seg over minst 38 skoleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skoleåret, jf. opplæringslova § 2-2 tredje ledd. Kommunen gir forskrift om skole- og feriedagar i skoleåret for elevane, jf. opplæringslova § 2-2 fjerde ledd. Slike forskrifter blir ofte kalla skoleruter og blir oppdaterte årleg. Forskrifta skal vere tilpassa avviklinga av nasjonale prøvar. Kravet om kunngjering i Norsk Lovtidend (lovdata.no) gjeld ikkje.

Departementet kan gi forskrift om rammer for dagleg skoletid og om pausar for elevane, jf. opplæringslova § 2-2 femte ledd. Det er tilsvarande reglar for vidaregående opplæring i opplæringslova § 3-2 andre til fjerde ledd. Det er fastsett at undervisninga i grunnskolen som regel skal gå føre seg mellom klokka 08.00 og klokka 15.30, jf. forskrift til opplæringslova § 1-6. Det er ikkje fastsett rammer for dagleg skoletid for vidaregåande opplæring.

Kommunane og fylkeskommunane står i utgangspunktet fritt til å fastsetje eit anna tal på undervisningsdagar enn 190 så lenge dei er fordelte på minst 38 skoleveker og er innanfor ei ytre ramme på 45 samanhengande veker. Regelen tek omsyn til at det i nokre tilfelle er ønske om ei kortare skoleveke enn fem undervisningsdagar.

#### 14.2.2 Forholdet mellom talet på lærarar og talet på elevar (lærarnorm)

Departementet kan gi forskrift om forholdstal mellom talet på lærarar og talet på elevar per

skole eller per kommune, jf. opplæringslova § 8-3. Forholdstalet kan variere på ulike trinn. Departementet har fastsett forholdstal mellom lærarar og elevar i grunnskolen på skolenivå, ofte omtalt som lærarnorm eller krav om lærartettleik, jf. forskrift til opplæringslova § 14A-1. Forskriftsreglane om forholdstal inneber at det maksimalt kan vere 15 elevar per lærar på 1. til 4. trinn og 20 elevar per lærar på 5. til 7. trinn og på 8. til 10. trinn. Kravet til forholdstal mellom lærarar og elevar er ikkje eit krav til den faktiske storleiken på ei undervisningsgruppe. Kommunar og skolar må sjølv fordele lærarressursane slik dei meiner er tenleg og forsvarleg, så lenge forholdstalet på kvart hovudtrinn ikkje overstig maksimaltalet for forholdet mellom lærarar og elevar i forskrifta.

#### 14.2.3 Inndeling i grupper

*Inndeling for å vareta behovet elevane har for sosial tilhøyrsel*

I opplæringa skal elevane delast i klassar eller basisgrupper som skal vareta behovet elevane har for sosial tilhøyrsel, jf. opplæringslova § 8-2 første ledd første punktum. Forarbeida slår fast at så mykje av opplæringa må gå føre seg i klassen eller basisgruppa at det grunnleggjande behovet til elevane for sosial tilhøyrsel kan bli vareteke her. Klassen skal vere ein møteplass på tvers av sosiale, økonomiske og evnemessige forhold og kjønn. På den måten bidreg skolen til å jamne ut sosiale forskjellar og til at elevane utviklar gjensi-dig respekt og toleranse for kvarandre.

I delar av opplæringa kan elevane delast i andre grupper enn basisgrupper eller klassar etter behov, jf. opplæringslova § 8-2 andre ledd andre punktum. «Klasse» og «basisgruppe» blir brukte som namn på den sosiale pedagogiske eininga der mykje av opplæringa skal gå føre seg, medan «gruppe» blir brukt om den eininga der delar av opplæringa kan gå føre seg etter behov.

Organiseringa av elevar i einingar skal «til vanleg» ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhøyrsel, jf. opplæringslova § 8-2 første ledd

tredje punktum. Kravet gjeld for både basisgrupper, klassar og andre grupper.

#### *Inndeling etter fagleg nivå*

Kunnskapsdepartementets *Veiledning om organisering av elevene – opplæringsloven § 8-2 m.m.* (2017) slår fast at elevar ikkje kan organiserast etter fagleg nivå «med mindre det etter en konkret totalvurdering er nødvendig for at elevene, enkeltvis og samlet, kan få forsvarlig utbytte av opplæringen (lovens minimumsstandard)». Vidare følgjer det av rettleiinga at «dersom elevene skal organiseres etter faglig nivå, må vurderingen av behovet for dette skje jevnlig, slik at organiseringen blir mest mulig begrenset i tid og fleksibel».

#### *Inndeling etter kjønn*

Ifølgje rettleiinga frå Kunnskapsdepartementet skal hovudregelen om at elevane til vanleg ikkje skal delast i grupper etter kjønn, tolkast strengt. All slik deling må vurderast konkret og «bare der som tungtveiende elevhensyn tilslør det, kan det være aktuelt å dele elevene etter kjønn». Rettleiinga nemner forhold ved anlegget til skolen, temaet i undervisninga eller tungtvegande behov hos elevane som moglege grunnar til kjønnsdelt undervisning. Eit døme er timar der temaet er kjønnsidentitet eller seksualitet. Eit anna døme er symjeopplæring eller andre delar av kroppsøvingsfaget dersom det ikkje er tilgang til eigne garderobar for jenter og gutter. Rettleiinga understrekar at skolane også i slike tilfelle må vurdere om behovet til elevane kan varetakast på ein annan måte enn ved kjønnsdelt undervisning. Inndeling i grupper i eit fag eller enkelte timar innanfor eit fag skal heller ikkje føre til at andre fag også blir delte, dersom ikkje dei same tungtvegande elevomsyna gjeld der.

#### *Inndeling etter etnisitet*

Elevane skal til vanleg ikkje delast inn i grupper etter etnisitet, jf. opplæringslova § 8-2. Det er ikkje gitt døme på tilfelle der det kan vere aktuelt å dele elevane i grupper i etnisitet, i forarbeida til opplæringslova eller i rettleiinga til departementet om organisering av elevane (2017).

#### *Inndeling etter interesser*

I opplæringa skal elevane delast i klassar eller basisgrupper som skal vareta behovet elevane har

for sosial tilhørsel, jf. opplæringslova § 8-2 første ledd første punktum. I delar av opplæringa kan elevane delast i andre grupper enn basisgrupper eller klassar etter behov, jf. opplæringslova § 8-2 første ledd andre punktum. Det kjem ikkje fram av lova eller forarbeida om eller i kva grad reglane opnar for å dele elevane i grupper ut frå interesser. I ei klagesak frå 2009 om opplærinstilbod i ballett på ungdomstrinnet ved Ruseløkka skole i Oslo konkluderte likevel Utdanningsdirektoratet med at organiseringa i dette tilfellet fall inn under den snevre unntaksmoglegheita i § 8-2 første ledd andre punktum. Vedtaket vart gjort på bakgrunn av ei regelverksavklaring frå Kunnskapsdepartementet. I klagesaka var elevane som hadde tilbod om ballettopplæring, organiserte i eigne grupper ein del av timane i kroppsøving og musikk. I desse timane fekk elevane undervisninga hos Den Norske Opera & Ballett. I dei andre timane var elevane i dei ordinære klassane sine. I grunngivinga la direktoratet avgjerande vekt på at det i det vidare utdanningsløpet for klassisk ballett er gjort særskilde tilpassingar ved at unge talentfulle dansarar har moglegheit til opptak til høgare utdanning etter fullført grunnskole. Direktoratet meinte at omsynet til dei framtidige moglegheitene til ballettelevane utgjorde ein særleg grunn til å fråvike hovudregelen om at elevane skal organiserast i klassar eller basisgrupper etter opplæringslova § 8-2 første ledd.

*Unntak frå kravet om organisering av elevar i grupper*  
På nokre område er det eigne reglar om organisering av opplæringa som inneber unntak frå opplæringslova § 8-2. Dette gjeld ved opplæring i innföringstilbod for språklege minoritetar etter §§ 2-8 og 3-12, opplæring i samisk etter § 6-2, opplæring i kvensk eller finsk etter § 2-7 og opplæring i eigne målformgrupper etter § 2-5. I andre tilfelle er det ikkje eigne reglar om organisering, men vilkåra for retten til ein type opplæring inneber organisering i eigne grupper og dermed unntak frå hovudregelen i § 8-2. Dette gjeld til dømes punktskrift, teiknspråk og særskild språkopplæring.

#### *Gruppeinndeling i intensiv opplæring og spesialundervisning*

Opplæringslova § 8-2 står ikkje i vegen for å gi intensiv opplæring utanfor den ordinære klassen eller for at det i kortare periodar blir gitt undervisning i ei mindre gruppe enn den ordinære klassen utan at det blir gjort vedtak om spesialundervisning. Det er ein føresetnad for intensiv opplæring i

mindre grupper at det er rekna for å vere nødvendig for læringa til elevane. Dersom omsynet til det beste for eleven taler for det, kan intensiv opplæring givast som eineundervisning i ein kort periode, jf. opplæringslova § 1-4. Dette er eit unntak frå opplæringslova § 8-2.

I vedtak om spesialundervisning kan det fastsetjast korleis opplæringa skal organiserast. Eit vedtak om spesialundervisning kan til dømes fastsetje at eleven skal få delar av opplæringa i ei mindre gruppe eller som eineundervisning. Opplæringslova § 8-2 gjeld berre for spesialundervisning i den grad det ikkje er fastsett noko anna i enkeltvedtaket.

#### 14.2.4 Gruppestorleik

Klassane, basisgruppene og gruppene skal ikkje vere større enn det som er «pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg», jf. opplæringslova § 8-2 første ledd fjerde punktum. Kva som er pedagogisk forsvarleg i den konkrete opplæringssituasjonen, er ei skjønnsmessig vurdering. Elevsamansetning, aldersblanding, arbeidsform, fysiske rammevilkår, talet på vaksne, pedagogisk kompetanse, tidsaspektet og skjønnet til læraren er blant momenta som skal telje med i ei vurdering av kva som er ein pedagogisk forsvarleg gruppestorleik.

I forskrift til opplæringslova § 12-1 er det fastsett reglar om tryggleiken til elevane. Paragrafen inneholder mellom anna reglar om tilsyn, symjeundervisning og trafikktryggleik.

I *Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler mv.* (Helsedirektoratet, 2014) er det ei rettleiande arealnorm. Denne kan også ha noko å seie for gruppestorleik. Når ei elevgruppe disponerer tilleggsareal som grupperom, formidlingsrom eller andre rom i nærleiken av klasserommet, bør klasserommet planleggjast etter ei arealnorm på minimum  $2\text{ m}^2$  per elev. Dersom elevgruppa ikkje disponerer tilleggsareal i nærleiken av klasserommet, bør arealet vere større, helst opp mot  $2,5\text{ m}^2$  per elev. Arealet for tilsette kjem ifølgje rettleiinga i tillegg til arealnorma. Rettleiinga er gitt til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler osv. § 9. Helse- og omsorgsdepartementet sende 27. september 2019 på høyring forslag om ei ny forskrift som skal erstatte gjeldande forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler mv, sjå *Høringsnotat om reguleringen av miljø og helse i barnehager og skoler*.

### 14.3 Høyringsforslaget

Departementet foreslo

- å vidareføre reglane om lengda på skoleåret
- å vidareføre reglane om fastsetjing av lokale forskrifter om skole- og feriedagar (skolerute) og unntaket frå kravet om kunngjering av slike forskrifter
- å ikkje vidareføre forskriftsheimlane for reglar om dagleg skoletid
- å vidareføre heimelen til å gi forskrift om forholdet mellom talet på lærarar og talet på elevar per skole eller per kommune
- å vidareføre kravet om at gruppstorleiken må vere pedagogisk forsvarleg og trygg
- å vidareføre reglane om inndeling i klassar og grupper og om sosial tilhørsel
- å lovfeste ein hovudregel om at inndelinga i klassar og grupper skal bidra til at skolen blir ein møteplass der elevane utviklar toleranse og respekt for kvarandre
- at elevane berre kan delast inn i grupper etter fagleg nivå dersom
  - det er nødvendig for at ein eller fleire elevar skal få tilfredsstillande utbytte av opplæringa
  - det ikkje går ut over moglegheita til dei andre elevane til å få tilfredsstillande utbytte av opplæringa
  - det blir gjort i særskilde og avgrensa delar av opplæringa
  - behovet for slik inndeling skal revurderast jamleg
- at elevane berre kan delast inn i grupper etter kjønn dersom det er særleg tungtvegande grunnar til å gjere det
- å ikkje vidareføre at elevane kan delast inn etter etnisitet

Med dette høyringsforslaget følgde departementet delvis opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 26.

I motsetning til utvalet foreslo departementet å vidareføre heimelen til å gi forskrift om forholdet mellom talet på lærarar og talet på elevar per skole eller per kommune.

Departementet foreslo også å vidareføre unntaket frå kunngjering i Norsk Lovtidend (lovdata.no) når det gjeld lokale forskrifter om skole- og feriedagar (skolerute). Utvalet foreslo derimot å ikkje vidareføre eit slikt unntak.

## 14.4 Høyringsinstansanes syn

### 14.4.1 Skoleåret og skole- og feriedagar

Om lag 15 høyringsinstansar har uttalt seg om forslaget om å vidareføre reglane om lengda på skoleåret. Dei fleste høyringsinstansane støttar forslaget. *Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark* meiner at regelen er uteideleg, og at han derfor bør uttrykkjast som minst 190 dagar innanfor 45 veker.

Det er ingen høyringsinstansar som er imot forslaget om å vidareføre kravet om at skoleruta må vere slik at skolen kan gjennomføre nasjonale prøvar og eksamen.

Alle høyringsinstansane støttar forslaget om å vidareføre at kommunen og fylkeskommunen skal gi forskrift om skole- og feriedagar, ofte kalla skolerute.

*Utdanningsdirektoratet* støttar ikkje grunngivinga for å vidareføre unntak frå kunngjeringsplikta. Direktoratet viser til at det er ein føresetnad for utarbeiding av forskrifter at ein har tilstrekkeleg kunnskap om forskriftsarbeid og forvaltningslova. Det er berre kravet om kunngjering det vart foreslått unntak frå, ikkje dei andre krava til forskrifter. Direktoratet kan ikkje sjå at sjølvé kunngjeringa vil medføre kostnader eller meir arbeid for kommunane og fylkeskommunane. Dette blir i dag gjort enkelt og digitalt. Slik direktoratet ser det, bør omsynet til å gjere forskriftene meir tilgjengelege vege tyngst.

Enkelte kommunar støttar forslaget frå departementet om å vidareføre unntak frå kunngjeringsplikta. *Bergen kommune* meiner at eit krav om kunngjering vil gi unødvendig meir arbeid for kommunane og antakeleg også for Lovdata. I tillegg er ei lokal kunngjering slik kommunen ser det, den mest effektive måten for å gjere skoleruta kjend.

Om lag 15 høyringsinstansar har uttalt seg om forslaget om å ikkje vidareføre forskriftsheimlane for reglar om dagleg skoletid. Dei fleste av dei, mellom anna *Barneombodet*, meiner det er unødvendig med ei nasjonal regulering av dagleg skoletid. *Utdanningsforbundet* og *Norsk Forbund for Utviklingshemmede* støttar ikkje forslaget. *Utdanningsforbundet* viser til at mange elevar er avhengige av skyss i forkant og etterkant av ein «uspesifisert» skoledag.

### 14.4.2 Forholdet mellom talet på lærarar og talet på elevar (lærarnorm)

Høyringsinstansane er delte i synet på om lærarnorma bør førast vidare, men fleirtalet støttar å vidareføre heimelen til å gi forskrifter om forholdstal mellom talet på lærarar og talet på elevar per skole eller per kommune. Nokre høyringsinstansar trekkjer fram at lærarnorma uansett bør førast vidare fram til evalueringa i 2022.

*KS* støttar ikkje forslaget og viser til at det er foreslått ein regel om lærarnorm samtidig som det er foreslått eit krav om forsvarleg vikarordning, styrking av rådgiving og styrking av kompetansekravet ved individuelt tilrettelagd opplæring. Ved å behalde kravet om lærarnorm styrkjer ein etter *KS* sitt syn argumentasjonen om å ikkje ha eit generelt forsvarlegkrav og om å bruke ein eventuell fjernundervisningsregel til å støtte innovasjon i organiseringa av opplæringa.

*Bærum kommune* er kritisk til forslaget om å vidareføre gjeldande reglar om lærarnorm. *Bærum kommune* meiner det er viktig å vareta moglegheita for å fordele lærarressursane mellom klassar og skolar ut frå behov. Dagens lærarnorm opplever kommunen som eit sterkt inngrep i det lokale handlingsrommet, som ikkje nødvendigvis har kome elevane til gode. Kommunen opplever at lærarnorma hindrar god utnytting av lærarressursane, og at fordelinga av ressursane avgrensar moglegheita kommunen og skolane har til å fordele ressursar og prioritere ut frå behova på kvar skole og mellom skolar. *Bærum kommune* vurderer også at lærarnorma kan få konsekvensar for moglegheita skolane har til å ha fleire profesjonar representerte i gruppa som følgjer opp elevar med større tilretteleggingsbehov.

*Bærum kommune* meiner det finst andre og meir tenlege måtar å innrette regelstyringa knytt til lærarressursar på for å oppnå det same målet, og at lærarnorma slik ho er i dag, bind opp mykje midlar i ei ordning som er lite fleksibel for kommunane. Måten dette er innretta på, tar ifølgje kommunen lite omsyn til at elevar har ulike behov, og at klassar og skolar er ulikt samansette, med ulike styrkar og utfordringar. Slik *Bærum kommune* ser det, sikrar ikkje eit normalt nødvendigvis ei forsvarleg og kvalitativt god opplæring for alle barn.

### 14.4.3 Inndeling i grupper

Om lag 30 høyringsinstansar har uttalt seg om forslaga om reglar om korleis elevane skal og kan delast inn i grupper.

Alle høyringsinstansane støttar forslaget om å vidareføre reglane om inndeling i klassar og grupper og om sosial tilhøyrsel. Vidare støttar alle høyringsinstansane forslaget om å lovfeste ein hovudregel om at inndelinga i klassar og grupper skal bidra til at skolen blir ein møteplass der elevane utviklar toleranse og respekt for kvarandre.

Fleirtalet av høyringsinstansane som har uttalt seg om forslaget om reglar om inndeling av elevar etter fagleg nivå, støttar det, inkludert *Utdanningsforbundet*, *Barneombodet*, *Elevorganisasjonen* og fleire kommunar og fylkeskommunar. Nokre få høyringsinstansar er kritiske til å lovfeste at elevane kan delast inn i grupper basert på fagleg nivå. *Statsforvaltaren i Oslo og Viken* og *Statsforvaltaren i Rogaland* fryktar at mange skolar vil bruka denne moglegheita i større grad enn intensjonen. *Nord universitet* skriv at forsking viser at slik nivågruppering ikkje nødvendigvis er gunstig for læringa til elevane, og at slik nivågruppering ikkje alltid blir gjort ut frå det beste for elevane.

Forslaget om å lovfeste eit krav om særleg tungtvegande grunnar for å kunne dele inn elevane i grupper etter kjønn har fått støtte av dei fleste høyringsinstansane som har uttalt seg om det.

*Likestillings- og diskrimineringsombodet* skriv at dei er kjende med at mange unge transpersonar opplever kjønnsdeling i skolen som svært utfordrande. Av den grunn bør ein ifølgje ombodet vere særleg varsam med å dele inn elevane etter kjønn. Ombodet skriv vidare at ved bruk av garderobar og toalett kan manglande tilrettelegging for transpersonar i konkrete situasjonar reise spørsmål om diskriminering.

*Skeiv Ungdom* er usamd i at det skal kunne vere kjønnsdelt undervisning om pubertet. Dei meiner at ei samla seksualitetsundervisning for alle kjønn gir betre kunnskap og meir læring enn ved kjønnsdelt undervisning. Vidare meiner dei det vil vere umogleg å vareta behova til elevar som er transpersonar eller interkjønn, ved å kjønnsdelle undervisninga i tokjønnsmodellen jente/gut.

Alle høyringsinstansane støttar forslaget om å ikkje vidareføre at elevane kan delast inn etter etnisitet. Eit par høyringsinstansar, mellom anna *Barneombodet*, meiner det bør komme fram av lovteksten at elevane ikkje kan delast inn i grupper etter etnisitet.

Eit spørsmål er om elevar i grunnskolen skal kunne delast inn etter interesser, til dømes innanfor idrett eller musikk. I høyringa bad departementet om synet til høyringsinstansane på korleis ein bør avvege målet om mangfold og omsynet til

behovet elevane har, i denne typen spørsmål, men det har komme få innspel om dette. *Utdanningsforbundets* vurdering er at det meste av opplæringa bør gjennomførast på felles møteplassar innanfor klasselfellesskapet. *Utdanningsforbundet* ser ikkje behov for å opne for vidare inndeling av elevane etter interesser. Forbundet meiner inndeling av elevar i grupper etter individuelle interesser kan gå ut over interessene og rettane til andre elevar, og at slik inndeling kan nærme seg inndeling etter fagleg nivå.

#### **14.4.4 Gruppestorleik**

Om lag 30 høyringsinstansar har uttalt seg om forslaget om å vidareføre kravet om at gruppestorleiken må vere pedagogisk forsvarleg og trygg.

*Norsk Lektorlag* meiner det ikkje er tilstrekkeleg avklart kva som er ein trygg og forsvarleg gruppestorleik. *Norsk Lektorlag* meiner det bør innførast tydelege kriterium, og at det bør lovfestast at økonomisk innsparing ikkje skal vektleggjast når gruppestorleiken blir avgjort.

### **14.5 Departementets vurdering**

#### **14.5.1 Skoleåret og skole- og feriedagar**

Departementet foreslår å vidareføre at opplæringa skal strekkje seg over minst 38 veker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skoleåret. Departementet meiner at det er unødvendig å binde kommunen og fylkeskommunen til eit nøyaktig tal skoledagar. Departementet kan uansett fastsetje fag- og timefordelinga i forskrift, sjå forslaget til § 1-6 første og ferde ledd.

Det vart utarbeidd eit forslag frå ei partssamansett arbeidsgruppe nedsett av Kunnskapsdepartementet om å opne for at skoleåret for vidaregåande opplæring kan gjennomførast i ein kortare periode enn 38 veker. Gruppa vurderte moglege organiseringar av skoleåret. Den same gruppa foreslo endringar i organiseringa av eksamen og peika på andre tiltak som kan bidra til å gjere det lettare å gi elevane den opplæringa dei skal ha. Forslaget om å opne for eit kortare skoleår skulle leggje til rette for at dei vidaregåande skolane kan gjennomføre opplæringa før eksamensperioden.

Forsлага frå gruppa, som vart sende på høyring i desember 2018, må sjåast i samanheng med den pågående oppfølginga av Meld. St. 21 (2021–2022) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. Det er gitt oppdrag til Utdanningsdirektoratet, som saman med partane og andre aktørar skal greie ut fag- og timefordelinga

for den vidaregåande opplæringa. Departementet vil avvente denne utgreiinga og følgjer derfor ikkje opp høyringa frå 2018 i denne lovproposisjonen.

Departementet foreslår å vidareføre at kommunen og fylkeskommunen skal gi forskrift om skole- og feriedagar, ofte kalla skolerute. Alle høyringsinstansane som har uttalt seg om forslaget, støttar det.

Departementet foreslår å ikkje vidareføre unntaket frå kunngjering av kommunale forskrifter om skole- og feriedagar i Norsk Lovtidend (lovdata.no). Kunngjering i Norsk Lovtidend har til hensikt å gjere forskrifter tilgjengelege for borgarane og vil også gjere det mogleg å finne fram til tidlegare versjonar av den lokale forskrifta på nettsidene til Lovdata. Ei forskrift om skole- og feriedagar vil gjelde generelt for kommunen eller fylkeskommunen, og denne informasjonen kan ha interesse for andre enn elevar og foreldre, til dømes andre tenesteytarar eller arbeidsgivarar i kommunen eller fylkeskommunen. Departementet meiner derfor at slike forskrifter bør kunngjera i tråd med forvaltningslova § 38 første ledd bokstav c om kunngjering i Norsk Lovtidend.

Departementet foreslår å vidareføre kravet om at skoleruta må vere slik at skolen kan gjennomføre nasjonale prøvar og eksamen.

Departementet foreslår å ikkje vidareføre ein hovudregel om når på dagen elevane skal gå på skolen, og foreslår derfor å ikkje vidareføre heimelen for slike forskriftsreglar. Departementet meiner at ein slik regel er unødvendig detaljstyring av kommunane. Departementet går vidare ut frå at det er stor semje om at grunnskolen som regel ikkje bør byrje før klokka 8.30 eller vare lengre enn til klokka 15.30, slik reglane er i dag.

Det er i tillegg fleire og andre omsyn enn forskrifa som hindrar kommunar og skolar i å ha dagleg skoletid utover desse rammene. Døme er omsynet til arbeidstida til dei tilsette, opningstid i skolefritidsordningar og skyssordningar. Sjølv om regelen om dagleg skoletid blir teken bort, er det derfor ikkje sannsynleg at skolar og kommunar vil endre dei ytre rammene for dagleg skoletid utan at dette er noko elevane og foreldra ønsker, og at det er vurdert opp mot omsynet til det beste for eleven, jf. forslaget til § 10-1. Departementet viser til at det også er foreslått å lovfeste at elevane har rett til medverknad i alt som gjeld dei sjølve etter lova, sjå forslaget til § 10-2.

#### **14.5.2 Forholdet mellom talet på lærarar og talet på elevar (lærarnorm)**

Departementet foreslår å vidareføre heimelen for å gi forskrift om forholdet mellom talet på lærarar og talet på elevar per skole eller per kommune med nokre språklege endringar.

Opplæringslovutvalet foreslo å erstatte normene for lærartettleik med mellom anna eit krav om at læraren som hovudregel skal vere til stades i all opplæring, eit krav om forsvarleg vikarordning, styrking av rådgivinga om sosiale og personlege forhold, eit krav om forsterka innsats som skulle gjelde alle trinna i grunnopplæringa, og eit generelt forsvarlegkrav som det skulle kunne førast tilsyn med.

Departementet foreslår ikkje å lovfeste eit krav om at læraren som hovudregel skal vere til stades i all opplæring, eit krav om forsterka innsats som skal gjelde alle trinna i grunnopplæringa, eller eit generelt forsvarlegkrav som det skal kunne førast tilsyn med. Samtidig foreslår departementet å lovfeste at kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at skolane har tilgang på vikarar ved vanleg og forventa fråvær (men ikkje å lovfeste krav om ei forsvarleg vikarordning slik utvalet foreslo), og styrking av rådgivinga om sosiale og personlege forhold. Til liks med opplæringslovutvalet foreslår departementet også å vidareføre reglar om gruppestorleik og kompetansekrav for lærarar.

Departementet viser til at Stortinget har vedtatt at normene for lærartettleik skal evaluerast, og at NIFU har gjennomført ei slik evaluering på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet. Resultatet av evalueringa vart overlevert departementet hausten 2022.

Evalueringa av norma for lærartettleik vart utført i perioden 2019–2022. Analysane av ressursinnsatsen i skolen viser at kommunar og skolar i hovudsak etterlever norma for lærartettleik. Evalueringa og forskinga som er gjort parallelt med innføringa av norma, viser at det er tre utfordringer ved dagens modell. Dagens norm

- avgrensar handlingsrommet til kommunane og moglegheita dei har til å gjere lokale prioriteringar
- gir ei viss skeivfordeling av ressursar til skolar med gode resultat, men høg gruppestorleik
- har stor avstand i kravet til lærartettleik mellom småskoletrinnet (15) og mellomtrinnet (20)

Lærarnorma har ført til om lag 2500 fleire lærarårsværk i skolen sidan 2018 og har bidrige til ei jam-

nare fordeling av ressursar mellom skolar. Fordelinga av nye ressursar som følgje av norma på skolenivå kan likevel seiast å vere noko skeiv ved at dei skolane som særleg er tilførte nye ressursar, er skolar der elevane i gjennomsnitt presterer bra på nasjonale prøvar, har foreldre med høgt utdanningsnivå, og der minoritetsandelen er låg. Det er fordi desse skolane låg lengst unna normkravet i utgangspunktet. Dette heng saman med at kommunane før norma vart innført, ofte hadde ressursfordelingsmodellar som reflekterte forskjellar i skoleresultata og sosiale forskjellar.

Norma har ikkje ført til ei lærarflukt frå kommunar som ligg rundt dei store bykommunane, til bykommunane som har hatt behov for å tilsetje fleire lærarar for å innfri norma. Det ser heller ikkje ut til at tilsetting av lærarar utan godkjend utdanning har auka i perioden med lærarnorm.

Kommunane meiner i hovudsak at norma for lærartettleik reduserer handlingsrommet deira til å fordele ressursar etter kva utfordringar dei ulike skolane har. Kommunane opplever at norma bind opp midlar til lærarstillingar. Norma har bidrege til å få tilfört meir ressursar til skolen, og ho gjer det vanskelegare for kommunane å kutte i ressursbruken i skolen.

For lærarane er lærartettleik ein viktig føresetnad for klasseleiing, og så å seie alle lærarane opp gir at lærartettleiken er særleg viktig for at dei skal kunne gi merksemld til enkeltelevar og sørge for tilpassa opplæring. Ein stor del meiner også at lærartettleiken er viktig for å kunne etablere ein god relasjon med eleven, der eleven blir motivert til læring.

Det at normkravet endrar seg frå 15 elevar i 4. klasse til 20 elevar i 5. klasse, gjer overgangen frå småskolen til mellomtrinnet brå, noko som både lærarar og skoleleiarar trekkjer fram som ei utfordring. Innsatsen som er lagd inn på 1. til 4. trinn, er vanskelegare å følgje opp på mellomtrinnet med lågare lærartettleik. Mange meiner det er uheldig at lærartettleiken blir redusert på femte trinn, då elevane får betydeleg større faglege utfordringar.

Evalueringa viser ingen klare teikn til samanheng mellom gruppestorleiken og trivselen og læringa til elevane. Norma vart innført samtidig i heile landet og treffer ulike skolar ulikt, det har derfor ikkje vore mogleg å teste årsakssamanhangar. Effekten av lærartettleiken kan vere vanskeleg å påvise fordi kontekstuelle forhold speler ei stor rolle. Dette samsvarar med mykje annan forskningslitteratur.

Departementet vil følgje opp evalueringa på eigna måte og vurdere om ho gir grunnlag for å endre noko på lærarnorma.

#### **14.5.3 Inndeling i grupper**

*Elevane skal delast inn i grupper for å vareta behovet til elevane for sosial tilhøyrsel*

Departementet foreslår å vidareføre dagens regel om at kvar elev skal vere knytt til éin klasse og ha så mykje opplæringstid i klassen at eleven kan utvikle sosial tilhøyrsel. Vidare foreslår departementet at elevane i delar av opplæringa kan delast i andre grupper.

Departementet foreslår vidare å lovfeste ein hovudregel om kva kriterium som skal liggje til grunn for inndeling i klassar og grupper. Dagens regelverk reknar opp enkelte typar inndelingar som berre unntaksvis er tillatne, men hovudregelen kjem ikkje fram av lova. Departementet foreslår derfor å lovfeste ein hovudregel om at inndelinga i klassar og grupper skal bidra til at skolen blir ein møteplass der elevane utviklar toleranse og respekt for kvarandre. Dette er i tråd med lovreglane om formålet med opplæringa og den overordna delen av læreplanverket.

Elevane skal som hovudregel delast inn på tvers av ulike eigenskapar, til dømes kjønn, sosial og økonomisk bakgrunn, språk, landsbakgrunn og religion. Slik kan klassane og gruppene bli mangfoldige fellesskap. Hovudregelen om inndeling i grupper vil gjelde på den enkelte skolen, innanfor det enkelte trinnet, for klassar og for andre grupper. Høvet til å dele inn elevane i andre grupper enn eigen klasse i delar av opplæringa må vurderast opp mot denne regelen, noko som vil innebere at det må gjennomførast ei fagleg og pedagogisk vurdering av når og korleis slik inndeling skal skje.

##### *Inndeling etter fagleg nivå*

Departementet foreslår å lovfeste at elevar berre kan delast inn i grupper etter fagleg nivå når det er nødvendig for at elevane kan få tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Det skal framleis vere ein høg terskel for å dele inn etter fagleg nivå. Ei lovfesting vil vere i tråd med dagens regel og tolkinga av han. Ho vil også vareta målet om mangfold og respekt i paragrafen om formålet med opplæringa og den overordna delen av læreplanverket.

Det følgjer av den foreslalte regelen at elevane berre kan delast inn i grupper etter fagleg nivå

dersom det er nødvendig for at ein eller fleire av elevane skal få eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Vurderinga av kva som er eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa, må sjåast i samanheng med måla for opplæringa og kva som er eit realistisk utbytte for kvar enkelt elev. I tilfelle der alle elevane kan få eit tilfredsstillande utbytte av å få opplæringa i grupper samansette på tvers av fagleg nivå, vil det ikkje vere lov å dela inn etter fagleg nivå. Skolen kan ikkje dele elevane inn i grupper etter fagleg nivå for å auke utbyttet for enkelte elevar dersom det går ut over moglegheita dei andre elevane har til å få tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

I vurderinga av om det er nødvendig å dele inn etter fagleg nivå, må ein sjå på kva som innan rimelege grenser kan oppnåast med andre tiltak, til dømes allsidig bruk av arbeidsmåtar og metodar, å styrke opplæringa i ordinære grupper med ekstra lærarressursar og kompetanse eller å gi elevane opplæring i mindre grupper som ikkje er organiserte ut frå fagleg nivå. Moglegheita til å dele inn etter fagleg nivå vil berre gjelde for den delen av opplæringa der nødvendigheitskravet er oppfylt.

Forslaget inneber også at elevane berre kan delast inn i grupper etter fagleg nivå i særskilde og avgrensa delar av opplæringa. Dette inneber at elevane vanlegvis skal vere delte inn i grupper som er sett saman på tvers av fagleg nivå. Departementet meiner det ikkje er tenleg å fastsetje ein bestemt del av tida. Kor stor del av tida elevane kan vere i nivådelte grupper, må skolen vurdere. Skolen må ta omsyn til moglegheitene elevane har for tilfredsstillande utbytte, at hovudregelen skal vere mangfoldig fellesskap, og at elevane skal vere så mykje av tida i klassen at dei kan få sosial tilhøyrsel.

Elevane skal ikkje vere delte inn etter nivå i større grad enn det er behov for, og dei skal ikkje bli verande i ei fast gruppe uavhengig av den faglege utviklinga deira. Skolen må derfor jamleg vurdere om skolen deler inn elevane i grupper etter fagleg nivå på ein tenleg måte og vurdere kva som er verknadene av nivådelinga. Dette er i samsvar med forslaget frå ekspertutvalet om kjønnsforskjellar i skoleprestasjonar, sjå NOU 2019: 3 *Nye sjanser – bedre læring – kjønnsforskjeller i skoleprestasjoner og utdanningsløp* som vart gitt til Kunnskapsdepartementet 4. februar 2019. Skolen skal ikkje halde fram med å bruke tiltak som inneber nivådeling, dersom tiltaket ikkje har positive effektar, eller dersom det går utover enkeltelevar.

Departementet viser til at det framleis vil vere ein høg terskel for å dele inn etter fagleg nivå. Det beste for eleven skal vere eit grunnleggjande omsyn når det skal takast stilling til ei eventuell nivådeling. Vidare foreslår departementet vilkår om at inndelinga berre skal skje i særskilde og avgrensa delar av opplæringa. Det vil seie at det blir eit snevrare høve til å dele inn etter fagleg nivå enn det er til å organisere delar av opplæringa i andre grupper enn den klassen eleven høyer til i. Departementet presiserer vidare at elevar som har rett til individuelt tilrettelagd opplæring, skal få vedtak om dette. Nivådeling kan ikkje erstatte individuelt tilrettelagd opplæring for elevar som har rett til dette.

Vurderinga av kva som er nødvendig for at elevane skal få eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa, skal gjerast med utgangspunkt i fagleg-pedagogisk kunnskap og erfaring. Departementet legg til grunn at vurderinga er eit lovbunde skjønn som statlege tilsynsmakter og domstolen kan overprøve.

Opplæringslova inneholder ein regel om intensiv opplæring for første til fjerde trinn som departementet foreslår å vidareføre, sjå punkt 24 i proposisjonen og forslaget til § 11-3. Intensiv opplæring kan gjennomførast i klassen, men det kan også gjennomførast ved at elevar som står i fare for å ikkje ha forventa progresjon i lesing, skriving eller rekning, får opplæring utanfor klassen i ein kortare periode. Den foreslalte paragrafen om organiseringa av elevane er ikkje til hinder for å gi intensiv opplæring utanfor den ordinære klassen eller for at det i kortare periodar blir gitt undervisning i ei mindre gruppe enn den ordinære klassen utan at det blir gjort vedtak om spesialundervisning. Dersom omsynet til det beste for eleven taler for det, kan intensiv opplæring givast som eineundervisning i ein kort periode.

#### *Inndeling etter kjønn*

Departementet foreslår å lovfeste eit krav om særleg tungtvegande grunnar for å kunne dele inn elevane i grupper etter kjønn. Forslaget har fått støtte av dei fleste høyringsinstansane som har uttalt seg om det.

Hovudregelen skal vere grupper som ikkje er delte etter kjønn. Departementet viser til at skolen skal byggje ned forskjellane mellom kjønn og bidra til at elevane utviklar toleranse og respekt for kvarandre. Den foreslalte terskelen inneber at skolen kan dele elevane inn etter kjønn heilt unntaksvis, til dømes for tema som gjeld seksualitet, pubertet osv., der elevane kan oppleve det som

tryggare å få undervisning i kjønnsdelte grupper. Det kan også vere aktuelt å dele elevane i grupper etter kjønn dersom dei skal prate om utfordringar i skolemiljøet som særleg gjeld jentene eller gutane. Elles vil slik inndeling berre vere aktuelt dersom det ikkje er praktisk mogleg å få til felles undervisning på ein måte som er forsvarleg og rimeleg med omsyn til integriteten til elevane, til dømes dersom det ikkje finst garderobebygg som gjer det mogleg for jenter og gutter å skifte og dusje kvar for seg. I slike tilfelle vil det i så fall vere snakk om kortare periodar i unntakssituasjoner ettersom kommunen har eit ansvar for å sørge for tilstrekkelege fasilitetar.

At det kan finnast ulike kjønnsidentitetar og kjønnsuttrykk blant elevane, er slik departementet ser det, eit argument for å vere restriktiv med å dele elevane etter kjønn. Terskelen for unntak bør leggjast høgt og praktiserast med klokskap og god kjennskap til den konkrete elevgruppa og kjønnsidentitetane til elevane. Det må for kvart tilfelle vurderast grundig kva som blir oppnådd med delinga, og kva for nokre negative konsekvensar ho kan ha. Det må også vurderast om behovet til elevane kan varetakast på andre måtar enn ved å dele elevane i grupper etter kjønn. Dette gjeld til dømes dersom nokon av elevane har ein ikkje-binær kjønnsidentitet. Departementet meiner at lovforslaget varetek dette ettersom det vil vere eit krav om særleg tungtvegande grunnar for å kunne dele elevane i grupper etter kjønn.

Forslaget inneber til dømes at skolen ikkje kan gjennomføre kjønnsdelt undervisning i symjing for å ta omsyn til at enkelte elevar og foreldre ønskjer dette på grunn av religiøs overtyding, sjenanse eller opplevd kroppspress. Det inneber at slike grunngivingar i seg sjølv ikkje blir rekna som særleg tungtvegande og at ein må komme dei til møtes på andre måtar. Likeverd mellom kjønna og målet om at inndelinga i grupper skal bidra til at elevane utviklar toleranse og respekt for kvarandre, og arbeidet med eit godt skolemiljø bør slik departementet ser det, vege tyngst. Kommunar, fylkeskommunar og skolar bør derfor finne ordningar for å vareta omsynet til den enkelte eleven og det beste for eleven innanfor rammene til fellolesskapet. Til dømes kan separate garderobar eller dusjar og ei moglegheit til å bruke dekkjande klede vere tiltak som gjer at ein aktivitet blir opplevd som mindre inngripande for eleven.

Vurderinga av om det finst særleg tungtvegande grunnar, er ei skjønnsmessig vurdering. Ho vil komme an på både fagleg-pedagogiske vurderingar og meir allmenne vurderingar. Departementet legg til grunn at dette skal vere eit lov-

bunde skjønn som domstolen og tilsynsmaktene kan overprøve.

#### *Inndeling etter etnisitet*

I dagens lov står det at elevane «til vanleg» ikkje skal delast inn i grupper etter etnisitet. Ordlyden tyder på at det i nokre tilfelle kan vere tillate å dele inn etter etnisitet, på same måten som for nivå og kjønn. Departementet viser til at omgrepene «etnisitet» er fleirtydig og omstridd. Departementet kan uansett ikkje sjå at det finst tilfelle der det er aktuelt å dele inn elevane i grupper etter etnisitet, landsbakgrunn eller andre felles særtrekk som har med tilhøyrsel til ei folkegruppe å gjere. Det er heller ingen høyningsinstansar som ser behov for dette.

Departementet er samd med dei høyningsinstansane som meiner det bør gå fram av lovteksten at elevane ikkje kan delast inn i grupper etter etnisitet. Det er ikkje nok med ein hovudregel om at elevane skal delast inn slik at skolen blir ein møteplass der elevane utviklar toleranse og respekt. Ein slik hovudregel tilseier rett nok at det ikkje vil vere tillate å dele inn i faste klassar eller grupper etter etnisitet, men det er ikkje klart om ei slik inndeling kan gjerast i eit mindre del av opplæringa. Departementet foreslår derfor å presisere i lova at det ikkje er tillate å dele elevane i grupper etter etnisitet.

Det vil framleis vere tillate med innføringstilbod for språklege minoritetar og eigne grupper for opplæring i og på samisk og i kvensk eller finsk, sjá punkt 28 om særskild språkopplæring for elevar som har eit anna morsmål enn norsk og samisk, punkt 30 om opplæring i og på dei samiske språka og punkt 31 om opplæring i kvensk og finsk. Sjá også forslaget til §§ 3-2 og 6-2 om opplæring i og på samisk, forslaget til § 3-3 om opplæring i kvensk eller finsk og forslaget til §§ 3-6 og 6-5 om særskild språkopplæring.

#### *Inndeling etter interesser*

Departementet legg til grunn at ein hovudregel om at elevane skal delast inn slik at skolen blir ein møteplass der elevane utviklar toleranse og respekt, i utgangspunktet tilseier at det ikkje skal vere tillate å dele inn etter interesser. Dersom ei slik inndeling berre blir gjort i mindre delar av opplæringa, og dersom det har mykje å seie for elevane, kan det likevel stille seg annleis. Departementet legg til grunn at kva som vil vere tillate, må byggje på ei konkret og heilsakleg vurdering der ein balanserer målet om mangfald og omsynet

til behovet elevane har. Departementet legg til grunn at opplæringstilbodet i ballett på ungdomstrinnet ved Ruseløkka skole, slik det var beskrive i ei klagesak frå 2009, framleis vil vere tillate. Elevane skal ha opplæring etter læreplanverket sjølv om dei er delte inn i grupper etter interesser. Departementet meiner at ei eventuell inndeling etter interesser skal regulerast av hovudregelen i det første leddet til paragrafen, og at det ikkje er nødvendig med eigne reglar om dette.

Departementet ser at det kan vere behov for å ha reglar som kan gjere det offentlege opplæringstilbodet meir fleksibelt, og vil i denne samanhengen vurdere om moglegheita for å dele elevane inn i grupper etter interesse bør utvidast. Sjå omtale av dette i punkt 2.2.

#### 14.5.4 Gruppestorleik

Departementet foreslår å vidareføre kravet om at gruppestorleiken må vere trygg og pedagogisk forsvarleg. At lærarnorma gjeld på skolenivå, inneber at det er behov for ein regel om at det i det enkelte tilfellet må vurderast om gruppestorleiken er trygg og pedagogisk forsvarleg.

Om gruppa er trygg, avheng mellom anna av alderen til og ferdighetsnivået hos elevane, kompetansen til den tilsette og den konkrete situasjonen.

Departementet viser til at kva som er pedagogisk forsvarleg, skal vurderast med grunnlag i fagleg-pedagogisk kunnskap og erfaring. Dette inneber at økonomiske omsyn ikkje kan brukast som argument for å lage større grupper enn det som er pedagogisk forsvarleg. Så lenge gruppa ikkje er større enn det som er pedagogisk forsvarleg, kan kommunen og fylkeskommunen legge vekt på andre moment, som økonomi, ressurssituasjon, bygningsmessige forhold og liknande.

Vurderinga av kva som er trygt og pedagogisk forsvarleg, skal vere eit lovbane skjønn som statlege tilsynsmakter og domstolen kan overprøve, sjølv om det konkrete innhaldet i kravet må utleiaast av mellom anna fagleg og pedagogisk kunn-

skap. Departementet viser til at det ikkje finst nokon andre klagemoglegheiter, og at det derfor bør vere eit høve til å få overprøvd vurderinga ved tilsyn.

### 14.6 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å vidareføre reglane om lengda på skoleåret, sjå forslaget til § 14-1 første ledd
- å vidareføre reglane om fastsettjing av lokale forskrifter om skole- og feriedagar (skolerute) og ikkje vidareføre unntak frå kravet om kunn gjering, sjå forslaget til § 14-1 andre ledd
- å vidareføre heimelen til å gi forskrift om for holdet mellom talet på lærarar og talet på elevar per skole eller per kommune, sjå forslaget til § 14-3
- å vidareføre reglane om inndeling i klassar og grupper og om sosial tilhøyrsel, sjå forslaget til § 14-2 første ledd første og andre punktum
- å lovfeste ein hovudregel om at inndelinga i klassar og grupper skal bidra til at skolen blir ein møteplass der elevane utviklar toleranse og respekt for kvarandre, sjå forslaget til § 14-2 første ledd tredje punktum
- å vidareføre kravet om at gruppestorleiken må vere trygg og pedagogisk forsvarleg, sjå forslaget til § 14-2 andre ledd
- å lovfeste at elevane berre kan delast inn i grupper etter fagleg nivå i særskilde og avgrensa delar av opplæringa, dersom det er nødvendig for at ein eller fleire av elevane skal få eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa, sjå forslaget til § 14-2 tredje ledd
- at elevane berre kan delast inn i grupper etter kjønn dersom det er særleg tungtvegande grunnar til å gjere det, sjå forslaget til § 14-2 fjerde ledd første punktum
- å lovfeste at elevane ikkje kan delast inn i grupper etter etnisitet, sjå forslaget til § 14-2 fjerde ledd andre punktum

## 15 Fjernundervisning

### 15.1 Innleiing

Dette punktet handlar om opplæring som blir gjennomført utan at læraren er til stades saman med elevane, gjennom fjernundervisning. Regjeringa Solberg fremja våren 2021 eit forslag om nye reglar om fjernundervisning, sjå Prop. 145 L (2020–2021). Stortinget vedtok ikkje dette forslaget fordi fleirtalet meinte nye reglar om fjernundervisning bør vurderast som ein del av heilskapen i forslaget til opplæringslov. Departementet foreslår her reglar om fjernundervisning. Reglane er i stor grad i samsvar med forslaget i Prop. 145 L (2020–2021), men med enkelte mindre justeringar.

Sjå også om bruken av fjernundervisning i særskild språkopplæring, opplæring i samisk og opplæring i finsk og kvensk i punkt 28, 30 og 31.

### 15.2 Dagens reglar

Opplæringslova og forskrift til opplæringslova opnar for at opplæring i samisk, opplæring i finsk og kvensk og morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring i fag kan givast som fjernundervisning når opplæringa ikkje kan givast av eigna undervisningspersonale på skolen. Opplæringslova opnar også for at grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne kan givast som fjernundervisning.

Utover dei tilfella der fjernundervisning eksplisitt blir tillaten, er ikkje fjernundervisning regulert i opplæringslova. Det er lagt til grunn at det er tillate å bruke fjernundervisning i avgrensa delar av opplæringa i fag i vidaregåande opplæring, jf. svar nr. 219 og svar nr. 245 til Stortinget i Dokument nr. 15 (2017–2018). Det er også lagt til grunn at fjernundervisning gjennom robotar kan vere eit supplement for elevar som på grunn av sjukdom eller skade ikkje kan vere på skolen. Slik undervisning kan vere eit tillegg til andre måtar å organisere opplæringa på, til dømes besök i heimen.

### 15.3 Høyringsforslaget

Departementet foreslo å innføre ein eigen paragraf om fjernundervisning. Forslaget gjekk ut på

- at det skal vere lov å gjennomføre delar av opplæringa som fjernundervisning dersom kommunane og fylkeskommunane kan godtgjere at det er gode grunnar for det, og at opplæringa vil vere trygg og pedagogisk forsvarleg
- at fjernundervisning skal gjennomførast slik at elevane og læraren kan kommunisere effektivt med tekniske hjelpemiddel
- at elevar som hovudregel skal få fjernundervisning på skolen, men at ein elev kan få fjernundervisning andre stader i særlege tilfelle eller etter avtale med rektor i vidaregåande opplæring

Departementet følgde med dette i all hovudsak opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 28. Lovteksten var noko utvida samanlikna med forslaget til utvalet ved at element frå merknadane som utvalet foreslo, var tatt inn i lovteksten. Forslaget i høyringa om at elevane med enkelte unntak skal få fjernundervisning på skolen, var nytt samanlikna med forslaget frå utvalet.

### 15.4 Høyringsinstansanes syn

#### 15.4.1 Behovet for nye reglar om fjernundervisning

Det er om lag 65 høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget om fjernundervisning. Dei aller fleste støttar forslaget, men ein del har innspel til enkelte av vilkåra og utforminga av paragrafen.

*Barneombodet* er blant dei som støttar forslaget. LO støttar også grunnprinsippa i forslaget. Fleire av dei som støttar forslaget, er opptekne av at fjernundervisning kan vere eit distriktpolitisk tiltak. Mellom anna peikar *Rogaland fylkeskommune, NHO, Fleksibel utdanning Norge, Byggmeningen Landsforening* og *Byggmester forbundet* på at forslaget om fjernundervisning opnar moglegheiter til å gi elevane eit breiare fagtilbod uavhen-

gig av geografi. Fleire kommunar og fylkeskommunar peikar også på at fjernundervisning kan gi moglegheiter og fagtilbod til elevar som dei elles ikkje ville fått. Til dømes viser *Tromsø kommune* til at fjernundervisning kan brukast for å gi elevar eit breiare fagtilbod, og at den samla kompetansen i kommunen dermed blir meir tilgjengeleg for elevane. *Innlandet fylkeskommune* er også positive til forslaget og meiner at fjernundervisning kan gjere at elevar kan få tilbod om fag dei elles ikkje ville fått på grunn av lite elevgrunnlag eller få lærarar med tilstrekkeleg kompetanse. *Molde kommune, Færder kommune og Nord-Aurdal kommune* peikar på det same. *Norsk Lektorlag* er derimot skeptisk til at ein utvida tilgang til fjernundervisning vil forbetre moglegheita elevar har på kvalitativt god vidaregåande opplæring.

Fleire av dei som støttar forslaget, peikar på at fjernundervisning kan vere nyttig for elevar som av ulike årsaker ikkje kan komme på skolen. *Rogaland fylkeskommune, Vestfold og Telemark fylkeskommune, Nord-Aurdal kommune, Tromsø kommune og Trondheim kommune*, er blant dei som omtaler dette. *Vestfold og Telemark fylkeskommune* viser til at fjernundervisning kan vere aktuelt for ungdommar som ikkje klarer å nyttiggjere seg av den ordinære skolearenaen. *Foreldrenettverk mot mobbing* viser at det er rundt 22 000 elevar i norsk skole med ufrivillig skolefråvær, som kan ha nytte av fjernundervisning. *Norges ME-forening* peikar på at fjernundervisning kan vere nyttig i undervisning av ME-sjuke elevar, men at mange ME-sjuke elevar også har behov for fysisk heimeundervisning iblant.

Høyringsinstansar som støttar forslaget heilt eller delvis, er mellom andre *Statsforvaltaren i Oslo og Viken, FUG, Statped, Nasjonalt senter for samisk i opplæringa, Møre og Romsdal fylkeskommune, Nordland fylkeskommune, Viken fylkeskommune, Skien kommune, Larvik kommune, Åsnes kommune, Nittedal kommune, Ringsaker kommune, Stavanger kommune, Time kommune, Trondheim kommune, Våler kommune, Jessheim vidaregåande skole og Samisk vidaregåande skole og reindriftsskole, EL og IT Forbundet, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon og Fleksibel utdanning Norge*.

Det er berre to høyringsinstansar som uttrykkjer at dei er imot heile forslaget, og det er *Utdanningsforbundet* og *Norsk Lektorlag*. *Utdanningsforbundet* støttar forslaget frå utvalet om fjernundervisning, men meiner forslaget frå departementet inneber ein stor risiko for å undergrave forståinga av kva opplæring og undervisning er, og mogleg-

heita elevane har til å få hjelp og støtte frå ein lærar. *Utdanningsforbundet* meiner dessutan at departementet ikkje bør forhaste seg med å innføre nye reglar om fjernundervisning, og at det er behov for å gå grundig gjennom kunnskapsgrunnlaget, inkludert det som vil komme framover på grunn av covid-19-pandemien. *Norsk Lektorlag* meiner at departementet bør vere tilbakehaldne med å gi utvida moglegheit for fjernundervisning i lova, og peikar på at det er avgrensa forskingsbasert kunnskap om dei langsigtige effektane av fjernundervisning. Både *Norsk Lektorlag* og *Utdanningsforbundet* meiner at reglar om fjernundervisning ikkje bør innførast utan at det samtidig blir lovfasta eit krav om lærarnærvar i undervisninga, slik opplæringslovutvalet foreslo.

#### 15.4.2 Utforming av lovteksten

Departementet foreslo i høyringa ei meir utfyllede regulering av fjernundervisning enn det opplæringslovutvalet foreslo, mellom anna ved at enkelte av merknadene frå utvalet vart tekne inn i sjølve lovteksten. Det er ulike synspunkt i høyringa på forslaget til utforming av paragrafen om fjernundervisning. *Barneombodet, Elevorganisasjonen* og enkelte kommunar og fylkeskommunar støttar heilt eller delvis forslaget til utforming. *KS, Utdanningsdirektoratet* og fleire kommunar og fylkeskommunar meiner derimot at den foreslår lovteksten er for lang og detaljert, og at dette ikkje gjer teksten meir presis og brukarvennleg. Enkelte, mellom andre *Utdanningsforbundet* og *Norsk Lektorlag*, meiner vilkåra i lovforslaget er for vase og skjønnsmessige.

Det er også enkelte konkrete innspel til utforming av lovteksten. Til dømes foreslår *Samisk vidaregåande skole og reindriftsskole* å endre titelen på paragrafen frå «fjernundervisning» til «nettundervisning». *Fleksibel utdanning Norge* meiner omgrepet «fjernundervisning» er utdatert fordi dei meiner at undervisning der lærar og elevar ikkje er i same rom, men kommuniserer via internett, på mange måtar kan gi vel så nær kontakt mellom menneske som når dei er samla fysisk. *Fleksibel utdanning Norge* meiner også at lova heller bør bruke «nettundervisning», og meiner dette uttrykket vil stå seg i overskodeleg framtid ettersom det er vanskeleg å sjå for seg at ikkje digitale einingar tilknytte internett vil vere basis for slik undervisning i framtida.

Enkelte, som *LO* og *Norsk Lektorlag*, meiner dei skjønnsmessige vurderingane som lovforslaget legg opp til, må gjerast av pedagogar.

### **15.4.3 Om gode grunnar til å bruke fjernundervisning**

Det er stor støtte i høyringa til at fysisk undervisning skal vere normalordninga, og at fjernundervisning berre skal kunne brukast dersom det er gode grunnar til dette. *KS*, *NHO* og enkelte kommunar og fylkeskommunar meiner derimot det bør opnast for fjernundervisning som innovasjon og ikkje berre som eit unntak frå normalordninga.

*Barneombodet*, *Elevorganisasjonen* og enkelte andre støttar at det blir presisert i lovteksten at vilkåret om gode grunnar betyr at fordelane for elevane må vere større enn ulempene. Fleirtalet av dei som har uttalt seg om dette, meiner det ikkje treng å stå i lovteksten.

*Elevorganisasjonen* og *Utdanningsforbundet* er kritiske til at det ikkje står i lovteksten at økonomisk innsparing ikkje er ein god nok grunn til å ha fjernundervisning. *Elevorganisasjonen* meiner dette bør inkluderast i lovteksten for å forhindre forvirring, smothol og misforståing. *Utdanningsforbundet* peikar på at det er få avgrensingar i lova som kan forhindre at fjernundervisning blir brukt til økonomisk innsparing ved å gi elevane därlegare oppfølging frå lærarar.

*KS* meiner på si side at økonomi kan vere ein god grunn til å gi fjernundervisning. *KS* peikar på at økonomiske årsaker ofte vil ligge til grunn for at kommunen eller fylkeskommunen ikkje kan tilby fag fordi elevgrunnlaget er for lite til at det lèt seg gjere, sjølv om skolen kan ha kompetent lærar.

*Innlandet fylkeskommune* peikar derimot på at fjernundervisning etter dette forslaget, og med kriteria som ligg til grunn, ikkje vil vere billigare å setje i verk enn eit ordinært tilbod.

### **15.4.4 Delar av opplæringa som fjernundervisning**

Dei fleste som uttaler seg om det, støttar at berre delar av opplæringa skal kunne givast som fjernundervisning dersom vilkåra er oppfylte. *Rogaland fylkeskommune* meiner elevar som på grunn av kronisk sjukdom ikkje har moglegheit til å møte til normal undervisning, bør kunne få heile opplæringa som nettbasert fjernundervisning dersom dette er til det beste for eleven. *Trondheim kommune* peikar på at det ikkje er presisert kor store andelar av undervisninga i eit fag som kan vere fjernundervisning.

### **15.4.5 Fjernundervisning som er trygg og pedagogisk forsvarleg**

Det er generelt stor støtte til eit vilkår om at fjernundervisning må vere trygt og pedagogisk forsvarleg, men det er også enkelte kommentarar til dette vilkåret.

*Fleksibel utdanning Norge* er samde i at fjernundervisning må vere trygt og pedagogisk forsvarleg, men peikar på at all undervisning må vere det. *Skolelederforbundet* og *Utdanningsforbundet* meiner eit krav om at undervisninga må vere trygg og pedagogisk forsvarleg, er for vagt og skjønnsmessig. *Utdanningsforbundet* meiner det er uklare rammer for kor mange elevar som kan følgje digital undervisning, og viser til at det blir vanskelegare for enkelteleven å oppnå nødvendig kontakt med lærar dersom det er for store grupper som følgjer den digitale undervisninga.

*Røros kommune* meiner også at det bør gjerast tydeleg kva som er meint med at fjernundervisning må vere trygt og pedagogisk forsvarleg. Kommunen meiner det bør regulerast kvar lærar kan sitje, og kva innsyn det bør vere til undervisningssituasjonen, osv.

Det er også nokon som har gitt innspel om kven som skal vurdere om det er trygt og pedagogisk forsvarleg å gjennomføre opplæringa som fjernundervisning. *LO* meiner vurderinga må gjennomførast av pedagogar og at lærarane må delta med den faglege kompetansen sin i design, tilrettelegging, gjennomføring og evaluering av fjernunderviste læringsopplegg. *Norsk Lektorlag* meiner det må komme tydeleg fram av opplæringslova at læraren har det faglege og pedagogiske ansvaret og avgjør forma på undervisninga.

### **15.4.6 Effektiv kommunikasjon og oppfølging**

Fleirtalet av høyningsinstansane som har uttalt seg, støttar forslaget om krav til effektiv kommunikasjon og oppfølging, men det er også enkelte innspel i høyringa.

*Larvik kommune* og *Færder kommune* peikar på at fjernundervisning må gjennomførast på ei plattform som opnar for tovegskommunikasjon både med lyd og bilet på ein teknisk god måte. *Utdanningsforbundet* er sterkt usamde i at det ikkje blir stilt krav til sanntidskommunikasjon mellom lærar og elev. *Utdanningsforbundet* viser til at pandemien tydeleg har vist at undervisning og læring er sosiale aktivitetar, og at blikk og andre kroppsuttrykk er føresetnader for å skape

den typen tillit og nærleik som tilpassing av opplæringa til kvar enkelt elev må byggjast på.

*Fleksibel utdanning Norge* er derimot samd i forslaget om at lærarar og elevar må kunne kommunisere effektivt, og i at det må veljast kommunikasjonsmiddel som legg til rette for kommunikasjon i sanntid eller med kort responstid. *Fleksibel utdanning Norge* peikar på at sanntidsundervisning varetok mange av behova for tovegs kommunikasjon, men at ein av fordelane med fjernundervisning er at ho ikkje treng å vere heilt synkron, og at det i nokre tilfelle er viktig å kunne utnytte denne fleksibiliteten til det beste for eleven.

Det er fleire som peikar på at det foreslårte vilkåret om at elevane skal få «tilsvarande høve for fagleg hjelp og oppfølging som om læraren var fysisk til stades», er urealistisk. Mellom anna *Norsk Lektorlag* og *Utdanningsforbundet* har gitt innspel om dette. *Utdanningsforbundet* meiner krevet verkar lite realistisk, og at det er ei nedvurdering av kompleksiteten i lærargjerninga og ei underkommunisering av at mange elevar ikkje kan trekke vekslar på hjelp og oppfølging frå ein framand lærar via skjerm. *Utdanningsdirektoratet* meiner det heller bør visast til tilstrekkeleg fagleg hjelp og oppfølging, utan å samanlikne fjernundervisning med fysisk nærvær som vil byggje på andre premissar.

Fleire, mellom anna *Utdanningsdirektoratet*, meiner forslaget om å presisere i lova at skolen må ha nødvendig og eigna utstyr og kompetanse til å gi fjernundervisning, er unødvendig, då dette følgjer indirekte av det foreslårte vilkåret om effektiv kommunikasjon. *Norsk Lektorlag* meiner det bør presiserast i lovteksten at det også for fjernundervisning gjeld kompetansekrav for undervisning.

#### 15.4.7 Fjernundervisning gis som hovudregel på skolen

Dei fleste høyningsinstansane som har uttalt seg, støttar at fjernundervisning som hovudregel skal skje på skolen medan læraren er ein annan stad. *Barneombodet*, *Elevorganisasjonen*, *Oslo kommune*, *Trondheim kommune*, *Vestfold og Telemark fylkeskommune* og *Molde kommune* er blant dei som støttar dette.

Det er også gjennomgåande støtte til forslaget om at elevar i grunnskolen kan få fjernundervisning andre stader enn på skolen i særlege tilfelle, og at elevar i vidaregåande opplæring kan få fjernundervisning andre stader i særlege tilfelle eller etter avtale med rektor. *Oslo kommune* uttaler at

dei stiller seg positive til differensieringa mellom nærvær på skolen for elevar i grunnskolen og elevar i vidaregåande opplæring, då det er viktig at grunnskolar er ansvarlege for å følgje opp elevar som får fjernundervisning, fram til elevane blir eldre og meir sjølvstendige.

Det er berre enkelte, som *Bergen kommune*, som meiner at forslaget i for liten grad gir rom for og oppmunstrar til utprøving og utvikling av digitale læringsformer.

*Fleksibel utdanning Norge* peikar på at det ofte vil vere praktisk å leggje undervisninga etter ordinær skoletid der undervisninga skal organiserast med elevar frå fleire ulike skolar, fordi det elles kan vere vanskeleg på grunn av ulike timeplanar. *Fleksibel utdanning Norge* går ut frå at dette ikkje vil reknast som eit særleg tilfelle sidan det vil gjelde heile skoleåret, men viser til at det er mange gode erfaringar med denne måten å organisere nettundervisning for motiverte elevar på.

#### 15.4.8 Om kommunen og fylkeskommunen må kunne godtgjere at vilkåra er oppfylte

Dei fleste høyningsinstansane som har uttalt seg, støttar forslaget om å innføre ei grunngivingsplikt ved at kommunen og fylkeskommunen må kunne godtgjere at det er gode grunnar til å gi opplæringa som fjernundervisning, og at dette er trygt og pedagogisk forsvarleg. Enkelte, som *Porsgrunn kommune*, peikar på at det er uklart kva som ligg i plikta til å «godtgjere». *Barneombodet* meiner grunngivingsplikta bør omfatte alle vilkåra og krava i paragrafen om fjernundervisning og ikkje berre dei nemnde vilkåra om gode grunnar og trygt og pedagogisk forsvarleg.

#### 15.4.9 Forskriftsheimel om fjernundervisning

Dei fleste som har uttalt seg, støttar at det bør innførast ein forskriftsheimel om fjernundervisning. *Bergen kommune* meiner at forskriftsheimelen som er foreslått, bør brukast varsamt for ikkje ytterlegare å redusere handlingsrommet til skolane i fjernundervisninga. *Møre og Romsdal fylkeskommune* er samde i korleis lovforlaget forankrar moglegheita og rammene for fjernundervisning, men meiner samtidig det er viktig at ein evaluerer erfaringane frå koronapandemien, og at paragrafen opnar for justeringar i forskrift eller tolking. *Skien kommune* støttar forslaget om ein heimel til å regulere fjernundervisning nærare i eiga forskrift og ønskjer at denne forskrifta gir rom for til-

passingar til lokale forhold. *Statped* meiner det bør givast ein heimel til å fastsetje kriterium for god fjernundervisning i forskrift.

#### **15.4.10 Personvernutfordringar ved fjernundervisning**

*Datatilsynet* meiner det bør takast inn tilvising til personvernregelverket i paragrafen om fjernundervisning. *Trondheim kommune* oppmodar departementet til å sørge for at kommunar og fylkeskommunar har gode verktøy og rettleiingar for å vareta personvernet til eleven i samband med fjernundervisning. Enkelte andre spør også etter forskriftsregulering eller rettleiing om personvernaspekt ved fjernundervisning.

### **15.5 Departementets vurdering**

#### **15.5.1 Kunnskapsgrunnlaget om fjernundervisning**

I kunnskapsoppsummeringa *Upgrading Education with Technology: Insights from Experimental Research. Journal of Economic Literature* (Escueta mfl. 2020), som berre baserer seg på empiriske studiar med metodar som kan tilby truverdige årsaksluttingar, konkluderer forskarane med at det er knapp kunnskap om effekten av fjernundervisning for barn og unge.

Samtidig peikar fleire nasjonale og internasjonale undersøkingar og forskningsprosjekt på at digital utdanningsteknologi kan skape gode vilkår for læring, dersom kvaliteten på læremidla er høg og teknologien blir brukt rett.

I kunnskapsoppsummeringa *Remote Learning: Rapid Evidence Assessment fra Education Endowment Foundation* (Ellis-Thompson mfl. 2020) har forskarane sett nærmere på 60 systematiske kunnskapsoversikter og metaanalysar om temaet. Forskarane finn at det ved implementeringa av fjernundervisning er særleg viktig å ta omsyn til at kvaliteten på opplæringa er viktigare enn korleis opplæringa blir gitt, at å sikre tilgang til teknologien er avgjерande, og då særleg for utsette elevar, at leggje til rette for at elevane kan samhandle, men også å støtte elevar til å jobbe sjølvstendig kan auke læringsutbyttet, og dessutan at ulike former for gjennomføring av fjernundervisning passar ulike oppgåver og ulike elevar.

I *Fagskoleutvikling i et digitalt landskap – kvalitet og fleksibilitet* (Munthe, Malmo og Ruud 2020) blei forskningsoppsummeringar om yrkes- eller profesjonsfaglege utdanninger undersøkt. Forfat-

tarane fann at heildigitale program kan gje gode læringseffektar for komplekse ferdigheter som diagnostisering, vurdering og beslutninger i komplekse situasjoner. Når fjernundervisning blir utvikla, må ein passe på å vareta studentane sine behov, samarbeidsmoglegheiter og samarbeidslæring med medstudentar, interaksjon med lærarar, transparens og støtte til studentane og relevans. Vidare fann forfattarane at effektive aktivitetar og komponentar som fremjer læring er samarbeidslæring, simulerig, spillifisering, multimodalitet og interaksjon, studentkontroll og spørsmål på fleire nivå. Dette forutset igjen at det er tid, ressursar og system for kompetanseutvikling blant lærarar som omfattar profesjonsfagleg digital kompetanse, samarbeid og eventuelt hospiteringsordningar i arbeidslivet og utvikling av teknologirike læringsmiljø (inkludert digitale programmer o.a.).

Opplæringslova og forskrift til opplæringslova opnar i dag for at opplæring i samisk for samiske grunnskoleelevar utanfor samiske distrikt og for samar i vidaregående opplæring kan givast som fjernundervisning når opplæringa ikkje kan givast av eigna undervisningspersonale på skolen. På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet har Utdanningsdirektoratet vurdert tiltak for betre fjernundervisningstilbod i samisk og kunnskap om læringsutbyttet til elevar som har opplæring i og på samisk. Rapporten, *OPPDAG 2020-025: Tiltak for bedre fjernundervisningstilbod i samisk og kunnskap om læringsutbyttet til elever som har opplæring i og på samisk*, låg føre i 2021 og viser at 207 elevar i grunnskolen og 75 elevar i vidaregåande opplæring fekk opplæring i samisk som fjernundervisning skoleåret 2019–2020.

I rapporten blir det peika på at digital fjernundervisning i mange tilfelle kan vere eit godt alternativ til stadleg undervisning. Dette føreset likevel at elevane og lærarane har tilgang på gode teknologiske løysingar. Mellom anna blir det peika på at fjernundervisningsløysinga må vere tilgjengeleg og enkel å logge seg på, at ho må vere brukarorientert, og at dataa og personvernet til eleven og læraren må vere varetekne. I tillegg blir det peika på at det bør arbeidast for å utvikle nye samarbeidsformer som skaper klassemiljø og erfaringsdeling mellom lærarar. Samtidig viser rapporten at erfaringane til statsforvaltarane er at motivasjonen for å lære samisk aukar hos elevane når dei møter andre elevar på språksamling.

Det er også andre døme på korleis fjernundervisning blir brukt i skolen i dag. Dersom ein elev må vere heime på grunn av langvarig sjukdom eller skade, må skoleeigar tilby opplæring heime.

For at eleven skal få opplæring heime, må det gje rast eit vedtak om spesialundervisning. Fleire skolar har valt å ta i bruk robot for å gi opplæring medan eleven er borte frå skolen. Ein robot tek fysisk plassen til eleven i klasserommet og overfører bilet og lydar til eleven som er fråverande. Eleven kan gjennom roboten kommunisere med resten av klassen og læraren i samtid. Eit døme på denne typen robot er norsktutvikla AV1. Undervisning ved hjelp av ein robot gjer at eleven kan følgje med i opplæringa, og kan bidra til at eleven kjänner sosial samkjensle med klassen.

Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring (NAFO) driv *Fleksibel opplæring*, som er nettbasert tospråkleg fagopplæring i matematikk og naturfag på 8. til 10. trinn. *Fleksibel opplæring* gir nettbasert opplæring som eit supplement eller i kombinasjon med ordinær opplæring på nærskolen. Det er også opna for at deltakarar i grunnskole for vaksne og kombinasjonsklassar kan delta. Dei nettbaserte tenestene består av tospråklege læringsressursar på nett og tospråklege nett-lærarar som underviser i samtid på språka arabisk, somali og tigrinja. Utprøvinga starta i januar 2017. Skoleåret 2019–2020 var det om lag 300 elevar som deltok i piloten. Frå skoleåret 2020–2021 gjekk *Fleksibel opplæring* frå å vere eit prosjekt til å bli ei varig ordning som NAFO driftar og har ansvaret for. Frå skoleåret 2022–2023 blir det også tilbydd tospråkleg opplæring i norsk med samfunnsfag på ukrainsk for elevar frå 5. til 7. trinn, 8. til 10. trinn og til elevar som går i vidaregåande opplæring. *Fleksibel opplæring* bruker Utdanningsdirektoratets plattform [digilær.no](#).

I 2019 evaluerte Rambøll *Fleksibel opplæring* på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet. Rambølls rapport *Evaluering av Fleksibel Opplæring som pilot* viser at *Fleksibel opplæring* er eit godt tilbod for skolar i område der det er utfordrande å rekruttere tospråklege faglærarar. Rambøll meiner også at prosjektet tilbyr tilpassa undervisning til målgrupper med svært ulike behov. Læringsutbyttet synest å variere med kor godt *Fleksibel opplæring* er implementert og organisert på dei enkelte skolane; der dette blir brukt systematisk, blir følgt opp av stadleg lærar og sest i samanheng med klasseromsundervisning, opplever både eleven sjølv og den stadlege læraren at løysinga bidreg til betre læring. Skolelærarar opplever *Fleksibel opplæring* som framtidsretta og mogleg å gjennomføre.

Samtidig viser evalueringa at både stadlege lærarar og elevar føretrekker fysisk nærverande tospråklege lærarar, dersom det er mogleg. Samtalar med elevane viser likevel at det å få undervis-

ning frå ein person som snakkar eit språk eleven forstår godt, også via fjernundervisning, bidreg til auka tryggleik og kan vere viktig for læringsmiljøet til eleven.

Dei fysiske rammene til skolen, som teknisk utstyr og tilgang på rom, påverkar organiseringa og implementeringa av *Fleksibel opplæring*. Dei fleste skolar har utstyr, men det er variasjon på tilgangen til ekstra rom. God forankring hos både skoleleiing og dei stadlege lærarane, og dessutan godt samarbeid mellom dei stadlege lærarane og nett-lærarane, gir best resultat.

Den virtuelle matematikkskolen (DVM) vart første gong sett i verk i 2013 på bakgrunn av Meld. St. 22 (2010–2011) *Motivasjon – Mestring og Muligheter*. DVM var ein nettbasert matematikk-skole for elevar på ungdomstrinnet og retta seg mot elevar med behov for meir støtte i matematikk og elevar med behov for større utfordringar i matematikk, mellom anna forsering av matematikk frå vidaregåande (1T). Elevar i den sistnemnde gruppa blei tilknytte eit virtuelt klasserom der det var elevar frå ulike skolar på same nivå. Piloteringa av DVM varte ut skoleåret 2018–2019, og heile eller delar av tilboden vart evaluert i skoleåra 2013–2014, 2014–2015 og 2016–2017. Etter kvar evaluering har det vorte gitt tilrådingar for korleis dei ulike tilboda kunne forbetrast ved vidareføring av DVM. Desse tilrådingane, saman med erfaringane til oppdragsgivar, har bidrige til at tilboden endra seg noko i form og innhald sidan den første piloteringa.

I evalueringa *Den virtuelle matematikkskolen skoleåret 2016–2017: Evaluering av tilbudene DVM-U, DVM-pluss og DVM-1T* frå 2017 bruker NIFU mellom anna forsking frå Kosko, Sobolewski-McMahon og Amirruzzaman (2014) der forskarane peikar på at særleg tre faktorar får noko å seie for læringsutbyttet i nettbasert undervisning for barn og unge. For det første framhevar dei betydninga av medverknaden til elevane i læringsprogresjonen. For det andre påpeikar forskarane at det er viktig å gi elevane matematikkrelatert støtte og tilbakemeldingar. Det tredje punktet handlar om sosial interaksjon med andre elevar.

Designet av det nettbaserte tilboden spelar inn på korleis tilboden varetok desse tre forholda. NIFU fann at få elevar i DVM samhandla aktivt med andre elevar, og først når gruppene blir små målte i talet på elevar, oppstår det noko interaksjon elevar imellom. Samtidig fann evalueringa at særleg elevar som strevar i faga, treng tett oppfølging frå lærar for å kunne følgje slike samntidsøkter over nett.

Frå skoleåret 2019–2020 vart delar av DVM overført til ei ny permanent plattform, digilær.no, og dei resterande tilboda lagde ned. Det som er vidareført, er forsring av teoretisk matematikk 1T.

Det går også føre seg fleire forsök med fjernundervisning, mellom anna eit forsök med det som blir omtalt som LOSA-modellen (Lokal Opplæring i Samarbeid med Arbeidslivet) i Troms og Finnmark fylkeskommune, og eit forsök med fjernundervisning i fransk, spansk og tysk og dessutan fordjuping i engelsk og fordjuping i matematikk i Rødøy kommune.

Koronapandemien har aktualisert fjernundervisning for heile elevgruppa over heile verda. Nokre undersøkingar og forskingsprosjekt har allereie vorte publiserte og gir eit inntrykk av kva faktorar som er viktige for å få eit godt utbytte av slik opplæring. Samtidig er det viktig å ha med seg at fjernundervisninga som har skjedd akutt under koronapandemien, der elevar deltek i opplæringa heimanfrå og med avgrensa kontakt med medelevar og lærarar, ikkje direkte kan relaterast til fjernundervisning som skjer under meir normale forhold i skolen.

Med bakgrunn i ei eiga koronarelatert spørjing til Skole-Noreg våren 2020, leverte NIFU rapport 2020:13: *Spørsmål til Skole-Norge: Analyser og resultater fra Utdanningsdirektoratets spørreundersøkelse til skoleledere, skoleeiere og lærere under korona-utbruddet 2020* i mai 2020. Ifølgje rapporten oppgir høvesvis 50 prosent av lærarane i grunnskolen og 44 prosent av lærarane i vidaregåande skole som svarte på undersøkinga, at dei klarer å leggje til rette for at elevane har kontakt med kvarandre gjennom felles digitale aktivitetar som gruppeoppgåver eller liknande. Samtidig oppgav 52 prosent at dei berre delvis greidde å sørge for at elevane hadde fagleg progresjon, og 45 prosent greidde berre delvis å differensiere undervisninga. Lærarane i grunnskolen og vidaregåande skole rapporterer også at det har vore utfordrande å følgje opp sårbare elevar i tida med stengde skolar.

NOVA-undersøkinga *Oslo-ungdom i Koronatiden* av Bakken mfl. (2020) blant elevar på ungdomstrinnet og i vidaregåande skole i Oslo viser at halvparten av elevane var godt fornøgd med korleis undervisninga i nedstengningsperioden fungerte, medan ein firedel var misfornøgd. 14 prosent meinte dei lært meir enn før, medan 61 prosent meinte dei lært mindre. Heile 25 prosent meinte at dei lært mykje mindre enn normalt.

Koronapandemien har samtidig ført til at mange elevar, lærarar og skoleleiarar har fått auka

erfaring og kompetanse innan fjernundervisning, og at den digitale infrastrukturen i stor grad har komme på plass. Grunnskolens informasjonssystem (GSI) frå skuleåret 2022–2023 viser at om lag 90 prosent av elevane på 1. til 10. trinn har kvar sin digitale eining, anten baerbar PC eller Mac, Chromebook eller nettbrett (iPad eller andre). Undersøkinga *Gode eksempler på praksis: Undervisning i en-til-en-klasserommet* frå Gilje mfl. viste at det finst stor variasjon i organiseringa av undervisninga i éin-til-éin-klasseromma, og at lærarane planlegg tenlege timar ut frå konteksten sin. Undersøkinga viser samtidig at det er store forskjellar mellom kommunar, både med tanke på valet av teknologi og ikkje minst i kva grad teknologien er implementert.

I spørjinga til Skole-Noreg våren 2020 opplyser over 90 prosent av lærarane om at dei har fått litt betre eller mykje betre digital kompetanse sidan 12. mars 2020. 97 prosent av skoleleiarane svarer at dei har eller delvis har den nødvendige digitale infrastrukturen for å kunne gi digital undervisning. 99 prosent av skoleleiarane oppgir å ha tilgang til program for videobasert kommunikasjon, medan totalt 75 prosent av skoleleiarane og -eigarane gir opp at infrastrukturen er av god nok kvalitet.

### **15.5.2 Behovet for nye reglar om fjernundervisning**

Departementet meiner at det er behov for klarare reglar enn i dag om fjernundervisning, og at forslaget må baserast på det kunnskapsgrunnlaget som finst no. Dei aller fleste høyringsinstansane støttar dette.

Departementet meiner det ikkje bør utsetjast å innføre nye reglar om fjernundervisning, slik *Utdanningsforbundet* tek til orde for. For det første er det eit behov for å klargjere kva reglar som gjeld. For det andre viser høyringa av NOU 2019: 23 at fjernundervisning også før pandemien gjekk føre seg i større utstrekning enn det opplæringslova opna for, og det er grunn til å tru at risikoen for dette ikkje har blitt mindre etter pandemien. Departementet meiner derfor det er viktig å raskt få på plass reglar om fjernundervisning der det blir fastsett vilkår og rammar, for å sikre at fjernundervisning blir brukt på ein måte som er til det beste for elevane. Å opne litt meir for fjernundervisning vil dessutan leggje til rette for å gi fagtilbod og moglegheiter for tilpassingar til elevane som dei elles ikkje ville fått.

Departementet vil elles peike på at den fjernundervisninga som har gått føre seg under koro-

napandemien, skil seg i vesentleg grad frå den fjernundervisninga som departementet foreslår å opne for i ein normalsituasjon. Ein viktig forskjell er at elevane etter forslaget som hovudregel skal vere på skolen når dei får fjernundervisning, medan elevane under pandemien har hatt heimeskole. Under pandemien har det dessutan også vore andre restriksjonar som har innskrenka tilværet for barn og unge. Dette gjer at kunnskapsgrunnlaget etter pandemien, ikkje nødvendigvis er overførbart til ein normalsituasjon.

Departementet er usamd med *Utdanningsforbundet* og *Norsk Lektorlag* i at det ikkje bør opnast for meir fjernundervisning utan at det samtidig blir innført ein hovudregel om at ein lærar er til stades i undervisninga. Også i forslaget frå opplæringslovutvalet var fjernundervisning foreslått som eit unntak frå forslaget om at ein lærar som hovudregel skal vere til stades i undervisninga. Departementet viser elles til at reglane i opplæringslova om det faglege ansvaret til læraren og kompetansekravet til lærarar blir foreslått vidareført med språklege endringar (sjå punkt 50 om personalet i skolen), og at desse reglane vil gjelde fullt ut også når opplæringa blir organisert som fjernundervisning. At ein lærar er til stades fysisk saman med elevar som får fjernundervisning, kan i nokre tilfelle vere nødvendig for at det skal vere forsvarleg å gi opplæringa som fjernundervisning. Sjå punkt 15.5.6.

Departementet foreslår å lovfeste ein generell regel om fjernundervisning i ny opplæringslov. Den nærmere utforminga av regelen og vilkåra som blir stilte, blir gjorde greie for i punkta 15.5.3 til 15.5.10. Departementet foreslår å oppheve særreguleringa av fjernundervisning ved morsmålsoppplæring, tospråkleg oppplæring i fag, oppplæring i samisk og oppplæring i kvensk/finsk slik at den generelle regelen om fjernundervisning gjeld også for desse tilfella. Sjå punkt 28.5.5, 30.5.7 og punkt 31.5.2.

### 15.5.3 Utforminga av lovteksten

I høyringa foreslo departementet ein detaljert paragraf for å ramme inn dei skjønnsmessige vilkåra for bruk av fjernundervisning. Departementet foreslår på bakgrunn av høyringsinnspele å forenkle lovteksten noko.

Sjølv om dei foreslårte vilkåra for å kunne gi opplæringa som fjernundervisning får stor støtte i høyringa, er det også enkelte som er bekymra for at vilkåra er for skjønnsmessige, og at det kan gjøre at dei blir vanskelege å praktisere. Departementet har forståing for dette, men meiner samti-

dig at skolane og lærarane har det beste grunnlaget for å vurdere dette, og at lova bør opne for vurderingar lokalt. Alternativet er å lovregulere i kva for nokre konkrete tilfelle fjernundervisning skal vere lov, og korleis det bør gjennomførast, men dette meiner departementet vil bli for rigid og ikkje ta omsyn til forskjellar i elevmassen, tilgangen på kompetanse eller andre forskjellar. Eit for rigid regelverk kan dessutan hindre bruk av fjernundervisning der dette er til det beste for elevane.

Til innspele om at dei skjønnsmessige vurderingane som lovforslaget legg opp til, må gjerast av pedagogar, vil departementet vise til at det er kommunen og fylkeskommunen som har ansvaret for å oppfylle reglane i opplæringslova. Samtidig er det klart at dei skjønnsmessige vurderingane som lovforslaget legg opp til, i stor grad må base rast på eit fagleg-pedagogisk kunnskapsgrunnlag. Både lærarkollektivet og rektor vil derfor vere sentrale i den faglege skjønnsutøvinga.

Departementet foreslår å bruke omgrepet «fjernundervisning» i lovteksten. Departementet registrerer at det i høyringa av ny opplæringslov har komme enkelte innspel om at omgrepet «fjernundervisning» er utdatert, og at det heller bør brukast «nettundervisning». Departementet er samd i at krava som blir stilte til fjernundervisning (effektiv kommunikasjon osv.), tilseier at undervisninga må gå føre seg over internett. Det er heller ingen risiko for at det raskt vil komme ny teknologi som ikkje inneber bruk av internett. Samtidig er «fjernundervisning» meir teknologinøytralt og betyr språkleg sett nettopp at dei som gir og får undervisninga, ikkje er på same staden fysisk. At enkelte knyter brevundervisning eller liknande til omgrepet «fjernundervisning», betyr ikkje at vilkåra i forslaget kan oppfyllast med slike former for undervisning. Vilkåra om effektiv kommunikasjon og at undervisninga skal vere pedagogisk forsvarleg, utelukkar dette.

### 15.5.4 Om gode grunnar til å bruke fjernundervisning

Departementet foreslår slik som i høyringa at det i lova blir opna for fjernundervisning dersom det er gode grunnar for det. Dei fleste høyringsinstansane støttar forslaget og er samde med departementet i at ei slik regulering er betre enn at det blir regulert konkret kva tilfelle fjernundervisning er lov.

Departementet er samd med *KS* i at fjernundervisning skal vere meir enn ei nødløysing, men meiner likevel at det bør vere gode grunnar dersom opplæringa skal kunne givast som fjern-

undervisning. Kunnskapsgrunnlaget viser at nokre elevar kan ha god nytte av fjernundervisning, medan andre kan ha vanskelegare for å nytiggjere seg opplæring som blir organisert slik. Det finst dessutan mindre kunnskap om effektane av fjernundervisning enn om effekten av ordinær opplæring på skolen. Ut frå det kunnskapsgrunnlaget som finnast no, bør ordinær opplæring på skolen framleis vere normalordninga.

Departementet foreslår å presisere i lovteksten at vilkåret om gode grunnar betyr at fordelane for elevane må vere større enn ulempene ved å gjennomføre opplæringa som fjernundervisning. Det er støtte i høyringa for dette.

Departementet meiner det ikkje er nødvendig å fastslå i lovteksten at økonomisk innsparing ikkje er ein god nok grunn til å ha fjernundervisning. At ei avgjerd ikkje skal vere grunngitt i økonomiske omsyn, gjeld for mange av vurderingane etter opplæringslova, sjølv om dette ikkje er eksplisitt regulert. Departementet understrekar at økonomisk innsparing ikkje er å rekne som ein god grunn til å ta i bruk fjernundervisning. Vilkåret om gode grunnar inneber at det må vere ein fordel for elevane. Kva som er best for eleven skal vere eit grunnleggjande omsyn ved handlingar og avgjerder som vedkjem elevar, jf. forslaget til § 10-1. Skolen kan dermed ikkje la vere å oppretta stadlege tilbod i fag av økonomiske omsyn. Derimot kan det vere ein god grunn at skolane kan tilby fag dei elles ikkje kan tilby på grunn av lite elevgrunnlag eller få lærarar med tilstrekkeleg kompetanse. I *Fleksibel opplæring* (sjå omtale i punkt 15.5.1), som gir tospråkleg fagopplæring, er det stilt som vilkår for å bruke fjernundervisning at kommunen først har prøvd å få tak i tospråklege lærarar, men ikkje lykkast med dette. Eit slikt utgangspunktet er også relevant i vurderinga av om det er gode grunnar til å gi fjernundervisning på grunnlag av mangel på lærarar.

### **15.5.5 Delar av opplæringa som fjernundervisning**

Departementet foreslår slik som i høyringa at berre delar av opplæringa kan givast som fjernundervisning dersom vilkåra i forslaget er oppfylte.

At delar av opplæringa kan givast som fjernundervisning, utelukkar ikkje at heile fag kan givast som fjernundervisning, for eksempel for å kunne gi elevane fleire valmoglegheiter. I slike tilfelle vil det normalt vere aktuelt å kombinere fjernundervisning med noko fysisk samhandling mellom fjernundervisningslæraren og elevane.

Ein annan måte å vareta elevane på i slike tilfelle er å ha eit tett samarbeid mellom fjernundervisningslæraren og lærarar på skolen, og at elevane blir følgde opp av ein lærar på skolen mellom fjernundervisningsøktene.

Det kan også vere aktuelt med fjernundervisning i enkelte tema eller delar av fag.

Departementet vurderer det som lite tenleg å lovfeste talet på timer, fag eller andelar av opplæringa som kan gjennomførast som fjernundervisning. Dette må vurderast konkret ut frå vilkåra for å gjennomføre opplæringa som fjernundervisning. Samtidig er det klart at det ikkje vil vere gode grunnar eller pedagogisk forsvarleg å gjennomføre store delar av opplæringa som fjernundervisning.

Departementet meiner det ikkje bør opnast for at kronisk sjuke elevar kan få all opplæringa som fjernundervisning slik som Rogaland fylkeskommune har gitt innspel om. Hovudregelen er at elevar som ikkje kan komme på skolen på grunn av sjukdom, skal få opplæring på helseinstitusjon eller ved at ein lærar kjem heim til eleven. Sjølv om fjernundervisning kan bidra til at elevane får ta del i læringsmiljøet på skolen, og i nokre tilfelle vere mindre belastande, vil eleven også ha nytte av ei meir direkte og meir individuell oppfølging av ein lærar som er fysisk til stades saman med eleven. Departementet meiner derfor at fjernundervisning kan vere ein del av undervisningsopplegget til kronisk sjuke elevar dersom vilkåra i forslaget er oppfylte, men kan ikkje sjå at det er grunn til å opne for at all undervisninga skal kunne givast som fjernundervisning.

### **15.5.6 Fjernundervisning som er trygg og pedagogisk forsvarleg**

Departementet foreslår å lovfeste eit krav om at fjernundervisninga må vere trygg og pedagogisk forsvarleg. Det er generelt stor støtte i høyringa til dette forslaget.

Departementet er samd med *Elevorganisasjonen* i at lovverket ikkje må medføre at enkelte elevar ikkje kan velje smale fag på lik linje med resten av elevane på grunn av mangel på tilrettelegging dersom faget går som fjernundervisning. For nokre elevar kan det vere spesielt utfordrande å dra nytte av fjernundervisning. Det er viktig at skolane er merksame på dette og gjer nødvendige tilretteleggingar for at den enkelte skal kunne få tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Til dømes kan nokre elevar ha god nytte av å få hjelp av ein lærar på skolen til å følge eit undervisningsopplegg gjennom fjernundervisning. I andre tilfelle

kan elevar trenge eit eige og meir tilrettelagd opplegg, på same måten som dei kan trenge tilrettelegging ved ordinær klasseromsundervisning. Uansett skal elevane ha dei same valmoglegheitene og skolen den same plikta til å tilpasse og legge til rette opplæringa.

Departementet foreslår å ta inn i loveteksten at det i vurderinga av kva som er trygt og pedagogisk forsvarleg, skal takast omsyn til høvet eleven har til læring, utvikling, trivsel og sosial samkjensle. Momenta er ikkje uttømmande, men er eigna til å vise at vurderinga handlar om meir enn berre moglegheita til å få fagleg utbytte av opplæringa. Skolane må gjere ei heilskapleg vurdering av kva som er trygt og pedagogisk forsvarleg. Alderen og modnaden til elevane vil ha noko å seie for vurderinga. Fjernundervisning vil derfor vere mindre aktuelt på grunnskolenivå enn på vidaregåande nivå. Om det vil vere pedagogisk forsvarleg å gi dei yngste elevane opplæring som fjernundervisning, må vurderast særskilt. Ein føresetnad vil i så fall vere at det er tilsyn med elevane på skolen, og at dei får hjelp til å følgje opplæringa.

Departementet foreslår ikkje å presisere i lova at det i vurderinga av om fjernundervisning er trygt og pedagogisk forsvarleg, skal takast omsyn til om skolen har nødvendig og eigna utstyr og kompetanse til å gi slik opplæring, slik som vart foreslått i høyringa. Departementet er samd med *Utdanningsdirektoratet*, som har påpeika at dette er unødvendig å presisere.

Departementet meiner det ikkje er nødvendig å fastsetje at kompetansekrava for undervisning også gjeld for fjernundervisning, slik *Norsk Lektorlag* har gitt innspel om. Forslaget om fjernundervisning gjer ikkje unntak frå kravet om kompetanse for lærarar, og desse reglane gjeld fullt ut også her.

### **15.5.7 Effektiv kommunikasjon og oppfølging**

Departementet foreslår slik som i høyringa at det skal stillast krav om effektiv kommunikasjon, og at det presiserast at det betyr sanntid eller kort responstid. Dei fleste høyringsinstansane støttar dette. *Utdanningsforbundet* meiner derimot det bør stillast krav om sanntid. Departementet meiner sanntidsundervisning bør vere ein stor del av fjernundervisninga, men at det ikkje er tenleg å krevje at alt blir gjennomført i sanntid. Departementet meiner det bør opnast for ein kombinasjon av sanntidsøkter (synkron undervisning) og økter

der elevane jobbar meir sjølvstendig (asynkron undervisning), tilsvarande som i klasserommet.

I høyringa foreslo departementet å presisere at kravet om effektiv kommunikasjon inneber at elevane skal ha «tilsvarande høve for fagleg hjelp og oppfølging som om læraren var fysisk til stades», og læraren skal ha «tilsvarande høve til å gi opplæring, gjere vurderingar og registrera eventuelt fråvær». Fleire peikar på at dette ikkje er realistiske krav, og at oppfølginga gjennom fjernundervisning aldri kan bli tilsvarande som når læraren er til stades fysisk saman med elevane. Departementet er samd i dette. Departementet meiner at den foreslalte presiseringa heller ikkje tilfører så mykje utover kravet om effektiv kommunikasjon og at fjernundervisninga skal vere pedagogisk forsvarleg. Departementet foreslår derfor ikkje ei slik presisering. Departementet vil likevel understreke at formålet med kravet om effektiv kommunikasjon mellom anna er å leggje til rette for at elevane skal få høve til hjelp og oppfølging, og at læraren skal kunne gi opplæring, gjere vurderingar og registrere eventuelt fråvær.

### **15.5.8 Fjernundervisning gis som hovudregel på skolen**

Departementet foreslår, som i høyringa, at det blir fastsett i lova at elevane skal få fjernundervisninga på skolen med enkelte unntak. Departementet foreslår eit unntak ved at ein elev i grunnskolen kan få fjernundervisning andre stader enn på skolen i særlege tilfelle, og at ein elev i vidaregåande skole kan få fjernundervisning andre stader enn på skolen i særlege tilfelle eller etter avtale med rektor.

Ein hovudregel om at elevane skal vere på skolen når dei får fjernundervisning, vil leggje best til rette for at elevane får oppfylt retten til gratis opplæring, til trygt og godt fysisk og psykososialt skolemiljø, til tilrettelagd arbeidsplass og til ei moglegheit for sosial samkjensle osv. Departementet meiner at unntaka som blir foreslått, om særlege grunnar og avtale med rektor, vil gi tilstrekkeleg fleksibilitet.

Eit døme på særlege tilfelle er elevar som ikkje kan komme på skolen på grunn av sjukdom. Dersom ein elev har langvarig sjukefråvær, skal eleven få opplæring heime eller på sjukehus eller liknande. I utgangspunktet skal eleven få opplæring av ein lærar som kjem heim til eleven, eller av ein lærar på sjukehuset. I nokre tilfelle kan det vere ein fordel om slik opplæring kan supplerast med fjernundervisning. Gjennom fjernundervisninga kan eleven følgje opplæringa som dei andre

elevane får, og det kan også gi moglegheit for å samhandle med dei andre elevane. Det kan også vere mindre slitsamt for eleven å følgje opplæring gjennom fjernundervisning, og det kan gjere det lettare å tilpasse opplæringa ut frå om eleven er i form til å delta i opplæringa.

Eit anna særleg tilfelle er der ein elev midlertidig bur ein annan stad enn i heimen, for eksempel på eit krisesenter. Moglegheit for fjernundervisning kan gjere det enklare for eleven å følgje opplæringa på heimskolen. Nokre elevar har opphold på krisesenter langt unna heimen og treng tilknytinga til heimeskolen i desse periodane, dersom oppstart på ny skole ikkje er aktuelt av ulike omsyn. I slike tilfelle kan fjernundervisning vere eit godt supplement til anna opplæring.

Også i andre tilfelle kan det vere ein fordel for eleven å få fjernundervisning andre stader enn på skolen, til dømes dersom eleven skal delta i ein idrettskonkurranse eller eit kulturarrangement på nasjonalt nivå. Då er ofte alternativet at eleven søker om permisjon i grunnskolen eller unntak frå fraværsgrensa i vidaregåande opplæring. Dersom det er mogleg å tilby fjernundervisning og eleven har høve til å delta på dette, kan det vere eit godt alternativ. Departementet understrekar at forslaget ikkje inneber nokon rett til å få fjernundervisning i slike tilfelle, men ei moglegheit dersom eleven ønskjer det og skolen tilbyr det.

Det kan også vere andre særlege grunnar til at elevane skal kunne få fjernundervisning andre stader enn på skolen. Kva som vil vere ein særleg grunn, må vurderast konkret. Departementet understrekar at terskelen er meint å vere høg.

Departementet foreslår som nemnt at det i vidaregåande opplæring også blir opna for at ein elev kan få fjernundervisning andre stader enn på skolen etter avtale med rektor. Denne delen av forslaget må sjåast i samanheng med at elevar i vidaregåande opplæring kan avtale organisert studiearbeit med rektor, jf. gjeldande forskrift til opplæringslova § 3-45 sjuande ledd. Ettersom rektor kan tillate at eleven gjer organisert studiearbeit heime framfor å vere på skolen, bør rektor kunne tillate at ein elev følgjer opplæringa på skolen som fjernundervisning dersom vilkåra for slik opplæring er oppfylt. Det er dessutan lagt vekt på at ungdommar sjølv tek avgjerd om utdanning, inkludert å søkje inntak til vidaregåande opplæring. Departementet meiner derfor at ungdommar i vidaregåande opplæring også må kunne inngå avtale om fjernundervisning med rektor. Departementet understrekar likevel at det ikkje skal vere nokon rett til å få fjernundervisning hei-

manfrå. Det er berre høve til det dersom eleven ønskjer det og rektor tilbyr det.

### **15.5.9 Om kommunen og fylkeskommunen skal godtgjøre at vilkåra er oppfylte**

Departementet foreslår at det i lova blir innført eit generelt krav om at kommunen eller fylkeskommunen skal godtgjøre at vilkåra i paragrafen om fjernundervisning er oppfylt. Dette er i tråd med innspelet frå Barneombudet.

Kravet inneber at kommunen og fylkeskommunen får eit ansvar for å kunne grunngi at vilkåra for å bruke fjernundervisning er oppfylte. Ved eit eventuelt tilsyn er det kommunane og fylkeskommunane som må sannsynleggjøre at vilkåra er oppfylte, og ikkje tilsynsmaktene som må sannsynleggjøre det motsette.

Kravet vil ikkje innebere noko absolutt dokumentasjonskrav, men det er naturleg at det finst noko dokumentasjon av dei vurderingane som er gjorde. I eit tilsyn vil det vere vesentleg å sjå på kva vurderingar som er gjorde, kven som har vore involvert i vurderingane, kva kunnskap og erfaring som er nytta, og om bruken av fjernundervisning har vore evaluert. Vidare er det relevant å etterspørje korleis kommunen har vurdert ulike moment, som alderen og modnaden til elevane.

Kor mykje av opplæringa som blir gjennomført som fjernundervisning, og kor lenge ho skal gå føre seg, har noko å seie for kor høge krav som blir stilt til grunngivinga frå kommunane og fylkeskommunane. Omfattande ordningar med fjernundervisning krev meir utfyllande grunngivingar enn enkeltståande og avgrensa bruk av slik undervisning. På same måte krev bruk av fjernundervisning i grunnskolen ei meir utfyllande grunngiving enn bruk av slik undervisning i den vidaregåande opplæringa.

### **15.5.10 Forskriftsheimel om fjernundervisning**

Departementet foreslår slik som i høyringa at departementet får heimel til å regulere fjernundervisning nærmare i forskrift. Departementet legg ikkje opp til at det skal fastsetjast forskriftsreglar idet lovreglane blir innførte. Formålet med ein slik forskriftsheimel er raskt å kunne fastsetje ytterlegare vilkår eller konkretiseringar av vilkåra i lova dersom det viser seg at det er behov for det ut frå korleis reglane blir praktiserte. Forskriftsheimelen skal ikkje kunne brukast til å fråvike vilkåra i lova.

Departementet har tillit til at kommunar, fylkeskommunar, skolar og lærarar vil halde seg innanfor rammene i lova. Samtidig kan det ved innføringa av nye reglar vere vanskeleg å føreseie korleis dei vil bli praktiserte. Departementet har også merka seg at fleire er bekymra for at dei skjønnsmessige vilkåra for bruk av fjernundervisning vil føre til at nokre skolar tek i bruk meir fjernundervisning enn det som er intensjonen med forslaget. Dette er særleg ei bekymring for elevar i grunnskolen. Departementet foreslår derfor ein forskriftsheimel som skal kunne brukast til å fastsetje ytterlegare vilkår og avgrensingar. Departementet vil følgje utviklinga og om nødvendig regulere bruken av fjernundervisning nærmare i forskrift. I tillegg vil departementet få stadig ny kunnskap om bruk av fjernundervisning. Ein forskriftsheimel vil gjere at reglane kan justerast raskt ut frå nytt kunnskapsgrunnlag dersom det er behov for det.

### **15.5.11 Personvernutfordringar ved bruk av fjernundervisning**

#### *Rettsleg grunnlag for å behandle personopplysningar gjennom fjernundervisning*

I fjernundervisning blir personopplysningar behandla når lyd, bilete og tekst blir overførte. Krava i personopplysningslova gjeld for denne behandlinga. Det er kommunane og fylkeskommunane, som behandlingsansvarlege, som må sørge for at krava til personvern blir overhaldne.

Departementet foreslår ein generell regel om fjernundervisning. Forslaget vil gjere tydeleg når det er tillate å gjennomføre opplæringa som fjernundervisning, og dermed klargjere rekkjevida av det rettslege grunnlaget for å behandle personopplysningar gjennom fjernundervisning. Departementet meiner at det ikkje er nødvendig eller tenleg å regulere særskilt at kommunane og fylkeskommunane kan behandle personopplysningar i samband med fjernundervisning. Departementet foreslår heller ikkje at det blir teke inn tilvising til personvernregelverket i paragrafen om fjernundervisning, slik *Datatilsynet* foreslår. Skolane behandlar personopplysningar i mange samanhengar, ikkje berre når det blir brukt fjernundervisning, og det vil vere lite tenleg å vise til personvernregelverket i alle paragrafer som regulerer aktivitetar som inneber behandling av personopplysningar. Departementet meiner plikta skolane har til å gi opplæring og til å vareta behovet til elevane for sosial samkjensle osv., i kombinasjon med den generelle regelen om behand-

linga skolane gjer av personopplysningar (dagens § 15-10 og forslagets § 25-1), gir skolane eit rettsleg grunnlag for å behandle personopplysningar i samband med fjernundervisning.

Dersom behandlinga er nødvendig for å oppfylle plikta til å gi ein elev opplæring, sosial samkjensle osv., vil det heller ikkje vere krav om samtykke frå andre elevar eller lærarar, sjølv om opplysninga om dei også blir behandla i form av bilet- og lydoverføring. Kommunane og fylkeskommunane som behandlingsansvarlege må uansett vareta personvernprinsippa elles og krava til behandling av personopplysningar etter personvernregelverket.

Det er pliktene kommunane og fylkeskommunane har etter lov, som kan gi grunnlag for å behandle personopplysningar i samband med fjernundervisning. Behandlingsgrunnlaget gjeld så langt dette er nødvendig. Kva slags behandling av personopplysningar som er nødvendig for å vareta retten eleven har til opplæring, sosial samkjensle osv., må vurderast konkret. Det er ikkje krav om at det må vere nødvendig å organisere opplæringa som fjernundervisning, men det må som eit minimum vere tillate å gjennomføre opplæringa på denne måten. Departementet viser til at forslaget om fjernundervisning inneber at kommunane og fylkeskommunane mellom anna må vurdere kva fordelane og ulempene med ei slik organisering er for elevane, og fjernundervisninga må vere trygg og pedagogisk forsvarleg. I vurderinga av om og korleis fjernundervisning skal gjennomførast, må kommunane og fylkeskommunane også ta omsyn til moglege konsekvensar for personvernet til elevane. Dermed utgjer vilkåra og krava til fjernundervisning ei ytre ramme også for behandlinga av personopplysningar.

#### *Krav til personopplysningstryggleik*

Kommunane og fylkeskommunane må, som behandlingsansvarlege, vareta personvernprinsippa og krava til behandling av personopplysningar etter personvernregelverket. Dette inneber at kommunane og fylkeskommunane, i tillegg til å ha eit lovleg behandlingsgrunnlag, må sørge for at behandlinga er i samsvar med reglane i personvernregelverket elles.

Krava i personvernregelverket, først og fremst personvernforordninga, inneber krav til personopplysningstryggleik. Krava inneber mellom anna at risikoen for personvernet ved behandlinga må vurderast, og tiltak som avgrensar personvernrisiko, må setjast i verk. Når det gjeld fjernunder-

visning, kan det vere aktuelt med både tekniske tiltak, slik som tilgangsavgrensing og å stengje for lagringsmogleger, og fysiske tiltak, slik som medviten plassering og bruk av kameraet. Behandlingsansvarleg må vidare vurdere behovet for organisatoriske tiltak, til dømes særskilde rutinar, for dei tilfella der opplæringa skal gjennomførast ved fjernundervisning.

Fjernundervisning inneber ein større personvernrisiko enn ordinær undervisning ved at det blir brukt programvare og digital overføring av informasjon (sjå nedanfor). Desse momenta må kommunane og fylkeskommunane ta omsyn til i risikovurderinga som skal leggjast til grunn for tiltak. For enkeltelever kan dessutan risikoen knytt til personvern vere spesielt høg, til dømes dersom barnet bur på hemmeleg adresse.

#### *Nærare om risikoen og moglege tiltak ved ulike former for fjernundervisning*

Risikoen for personvernet er avhengig av korleis fjernundervisninga blir gjennomført. Departementet vil understreke at hovudregelen skal vere at også fjernundervisning skal gå føre seg på skolen. I dei fleste tilfella vil både læraren og eleven vere på skolen, men på kvar sin skole. Overføringa av lyd og bilet vil i seg sjølv utgjere ein risiko for personvernet, men det er i slike tilfelle mindre risiko for at tilleggsopplysningar frå den private sfæren blir delte, eller at andre utanfor skolen får tilgang til opplysningar om elevar og lærarar på skolen.

Forslaget om fjernundervisning inneber at ein elev berre i særlege tilfelle kan få opplæring andre stader enn på skolen og i vidaregåande skolar også etter avtale med rektor. Risikoen for personvernet er særleg stor i tilfelle der dei fleste elevane og læraren er i klasserommet og éin eller fleire elevar følgjer opplæringa gjennom fjernundervisning. Det er for det første ein risiko for at opplysningar om eleven som er heime, som normalt tilhører den private sfæren, blir delte med dei som er på skolen. Det er for det andre ein risiko for at opplysningar som normalt berre blir delte innanfor klasserommet, blir tilgjengelege for personar utanfor klasserommet, til dømes personar som er i rommet med eleven som deltek gjennom fjernundervisning.

Det er viktig at kommunane og fylkeskommunane er innforstått med risikoen for personvernet ved fjernundervisning og set i verk nødvendige tiltak. At det utgjer ein risiko for personvernet, betyr ikkje at slike former for fjernundervisning er eller bør vere forbodne. Kommunane og fylkeskommun-

nane må vurdere konkret om det er forholdsmessig at elevar skal tilbydast opplæring gjennom fjernundervisning. I vurderinga må kommunane og fylkeskommunane ta omsyn til både fordelane for den enkelte og risikoen for personvernet for alle elevane og læraren og vurdere korleis risikoen for personvernet kan avgrensast.

At enkeltelever kan følgje opplæringa gjennom fjernundervisning, kan vere ein stor fordel for den enkelte. Til dømes kan det under sjukdom vere mogenleg å følgje opplæringa som dei andre elevane får, få sosial kontakt og delta i eit læringsfellesskap. Dette handlar om dei grunnleggjande rettane til elevane, som kan vere særleg viktige å få oppfylt ved langvarig sjukefråvær. Det kan dermed vere forholdsmessig å gjennomføre fjernundervisning sjølv om det utgjer ein risiko for personvernet.

I vidaregående opplæring blir det opna for at det kan avtalast mellom kvar enkelt elev og rektor at eleven kan delta i opplæringa gjennom fjernundervisning frå andre stader enn på skolen. Dette er ikkje ein rett for den enkelte eleven, og skolen må gjere ei heilskapleg vurdering kor det både takast omsyn til fordelar og ulemper for den enkelte når det gjeld opplæring, sosial samkjensle osv. og risikoen for personvernet. Fjernundervisning kan til dømes vere eit alternativ til organisert studiearbeid. I slike tilfelle kan truleg behovet til den enkelte eleven varetakast ved at lyd og bilet frå læraren blir strøynde, og at det er mogenleg å kommunisere med læraren. Dersom det ikkje skal overførast lyd frå og bilet av dei andre elevane, og kameraet heller ikkje kan fjernstyrast, vil risikoen for personvernet også vere mindre.

Kommunane og fylkeskommunane må vurdere konkret kva risikoen er, og setje i verk nødvendige tiltak for å redusere risikoen. Ved å snakke om fjernundervisning med elevar og forldre kan skolane få betre innsikt i risikoen og dermed betre grunnlag for å setje i verk risikoreduserande tiltak. Det kan også gi informasjon om særlege omsyn som skolen må vere klar over.

Tiltaka for å redusere risikoen kan vere både tekniske og organisatoriske. Departementet viser i denne samanhengen til artikkel 25 i personvernforskriften om innebygd personvern. Innebygd personvern vil seie at eit teknisk system eller ei løysing er utvikla slik at personvernet blir vareteke. Det er kommunen eller fylkeskommunen som behandlingsansvarleg, som er ansvarleg for å ha innebygd personvern og personvern som standard i alle appar, tenester, program og løysingar. Datatilsynet har utvikla retningslinjer om inne-

bygd personvern og personvern som standardinnstilling.

Tiltaka kan også handle om praktisk tilrettelegging og rutinar. Til dømes vil det vere mindre risiko med eit stilleståande kamera retta mot læraen enn eit rørleg kamera som kan fange opp elevane i ulike situasjonar i klasserommet. Samtidig kan høvet til å delta i læringsfellesskapet og det sosiale miljøet i klassen vere noko av det ein ønsker å oppnå med å tilby ein heimeverande elev fjernundervisning. Det må då vurderast konkret om slik fjernundervisning vil vere forholdsmessig. Det kan også vere andre tiltak som kan redusere risikoen, som å plassere kameraet eller roboten på ein bestemt stad eller i ei bestemt retning, eller å plassere elevane på bestemte stader i klasserommet for å avgrense kva og kven som kan bli filma. I tillegg vil det vere viktig at eleven og andre som vil opphalde seg same stad som eleven, får opplæring og tydeleg informasjon om bruken av fjernundervisningsutstyret for å avgrense risikoen for personvernet.

#### *Behov for rettleiing om fjernundervisning og personvern*

Det er fleire høyingsinstansar som gir uttrykk for at personvernregelverket er vanskeleg å forstå og følgje, og at det er behov for meir rettleiing om korleis personvernet skal varetakast ved bruk av fjernundervisning. Departementet har forståing for desse synspunktene. Bruk av fjernundervisning føreset god kunnskap om personvern og informasjonssikkerheit på mange nivå i skoleverksemada. Krava i personvernregelverket gjeld for heile prosessen – fra kommunane og fylkeskommunane skaffar digitale og tekniske løysingar, til den konkrete bruken i klasserommet.

Det er elles mange generelle utfordringar og spørsmål knytte til personvern og bruk av ulike digitale løysingar. Éi av oppgåvene til Datatilsynet er å identifisere farar for personvernet og gi råd for korleis farane kan unngåast eller avgrensast. Departementet viser derfor til råd og rettleiing frå Datatilsynet.

Departementet ser likevel at mange opplever eit behov for rettleiing som er meir konkret retta mot bruk av digitale verktøy i skolesektoren, inkludert til bruk i fjernundervisning. Departementet meiner det ikkje er tenleg å fastsetje næraare reglar om dette i forskrift til opplæringslova. Det er det generelle personvernregelverket som utgjer rammene for behandling av personopplysningar også i skolesektoren, og avklaringar om betydninga og bruken av personvernregelverket i

skolesektoren er meir eigna som rettleiing. Departementet vil vurdere om og kva slags rettleiing det er behov for generelt for skolesektoren og i tilknyting til fjernundervisning spesielt.

#### **15.5.12 Forholdet til andre reglar i opplæringslova**

Departementet understrekar at det er andre reglar i opplæringslova med forskrifter som vil ha noko å seie i vurderinga av når og i kva omfang opplæringa kan organiserast som fjernundervisning. Særleg sentralt er krava til skolemiljø (kapittel 12 i lovforslaget), krav om sosial samkjensle (forslaget til § 14-2) og krav om at opplæringa skal vere gratis (forslaget til §§ 2-5 og 5-8). Opplæringa kan ikkje organiserast som fjernundervisning dersom det fører til at andre rettar etter lova ikkje blir oppfylt. Bruk av fjernundervisning gir heller ikkje noko unntak frå kravet om eit minstetal timar med opplæring eller frå kompetansekravet til lærarane.

Fjernundervisning kan innebere unntak frå hovudregelen om at elevane skal få opplæring i grupper, sjá forslag til § 14-2, sjølv om elevane også kan få fjernundervisning i eit digitalt felleskap. Kommunane og fylkeskommunane må vere særleg merksame på kva konsekvensar fjernundervisning får for moglegheita elevane har til sosial samkjensle og eit trygt og godt skolemiljø. Opplæringa kan ikkje organiserast som fjernundervisning dersom det fører til at retten elevane har til sosial samkjensle og eit trygt og godt skolemiljø, ikkje blir oppfylt.

Departementet vil også understreke at reglane om at grunnskoleopplæring og vidaregående opplæring skal vere gratis, gjeld fullt ut. Dersom kommunane og fylkeskommunane skal bruke fjernundervisning til å gi elevane den opplæringa dei har rett til, må dette gjerast slik at gratisprinsippet blir vareteke. Ettersom elevane som hovudregel skal få fjernundervisning på skolen, vil det normalt ikkje vere nokon stor risiko for at elevar eller foreldre blir påførte utgifter. Dersom elevar i særlege tilfelle eller etter avtale i vidaregåande opplæring (sjá punkt 15.6.8) skal få opplæring andre stader, må fylkeskommunane vere særleg merksame på å sikra at opplæringa reelt sett blir gratis for elevane.

Fjernundervisning ved hjelp av såkalte robotar blir stadig meir aktuelt. Sjá omtale i punkt 15.5.1. Kunnskapsdepartementet har tidlegare lagt til grunn at kommunane og fylkeskommunane må dekkje kostnadene dersom bruk av robot er ein del av opplæringstilbodet til skolen. Er det deri-

mot eleven og foreldra som ønskjer å få utplassert ein robot i klasserommet som eit supplement til opplæringstilbodet til skolen, har departementet lagt til grunn at kostnadene til bruk av robotar ikkje kan krevjast dekt gjennom retten til gratis opplæring. På bakgrunn av at det no blir foreslått å opne for fjernundervisning i noko større grad, har departementet vurdert spørsmålet på nytt. Etter dei reglane om fjernundervisning som blir foreslått, er det ikkje tenleg å skilje på kven som skal betale, ut frå kven som har teke initiativ til bruken. Etter forslaget frå departementet skal robotar og andre former for fjernundervisning berre kunne brukast i opplæringa dersom det er gode grunnar for å organisere opplæringa slik og det er pedagogisk forsvarleg og trygt. Dersom ein kommune eller fylkeskommune tillèt at det blir brukt robot i opplæringa, skal det gjennomførast i samsvar med krava om at opplæringa skal vere gratis.

Departementet understrekar at opplæringa som skolane tilbyr, må vere i samsvar med likestilings- og diskrimineringsregelverket. Forbodet mot diskriminering er eit sentralt omsyn i mellom anna organiseringa av opplæringa, tilpassingar i opplæringa og bruk av lærermiddel. Det kan vere ein risiko for at enkelte elevar ikkje greier å nytte seg av eit fjernundervisningstilbod. Kommunane og fylkeskommunane må vere merksame på denne risikoen og innrette tilboden på ein måte som ikkje er diskriminerande. Departementet viser også til punkt 15.5.6 og 25.5.2 om at ein elev har rett til individuelt tilrettelagd opplæring dersom eleven ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Dette gjeld også dersom ein elev ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av opplæring som blir organisert som fjernundervisning.

Kommunane og fylkeskommunane må også vere merksame på kravet om universell utforming i forskrift om universell utforming av informasjons- og kommunikasjonsteknologiske (IKT)-løsninger, som også gjeld for IKT-løysingar i utdannings- og opplæringssektoren. Kravet om universell utforming inneber at løysinga som skal nyttast til fjernundervisning, skal kunne brukast av flest mogleg, også personar med fysiske, sensoriske, kognitive eller intellektuelle funksjonsnedsetjingar. Universell utforming av IKT inneber til dømes at tekstu kan forstørrast eller bli lesen opp, at lydfiler og videoar blir teksta, og at skjermbiletet har god kontrast. Universelt utforma IKT-løysingar skal også kunne verke saman med IKT-hjelpemiddel som følbart tastatur og liknande.

### **15.5.13 Ansvar for opplæringa**

Forslaget om at det på visse vilkår skal vere tillate med fjernundervisning, inneber ingen endringar i ansvarsforholdet til kommunane og fylkeskommunane. Det vil framleis vere kommunen eller fylkeskommunen som eleven bur i, som er ansvarleg for opplæringa til eleven. Dersom ein elev får delar av opplæringa gjennom fjernundervisning frå ein annan stad i landet, må heimkommunen eller heimfylket sørge for at denne opplæringa er i samsvar med regelverket, inkludert at opplæringa er i samsvar med læreplanverket, og at det er rutinar for vurdering. Det er heimskolen til eleven som skal fastsetje standpunktakrakterar og karakterar i orden og oppførsel og utferde dokumentasjon på opplæringa.

Dersom eit barn eller ein ungdom derimot blir teken inn som elev på ein skole i ein annan kommune eller i eit anna fylke, vil mottakarkommunen eller -fylket ha det juridiske ansvaret for opplæringa. Heimkommunen eller -fylket vil framleis ha det økonomiske ansvaret, og det er fastsett reglar om refusjon av mottakarkommunen eller -kostnaden i fylket.

I vidaregående opplæring er det mogleg å takast inn som deltidselev ved ein annan skole. I slike tilfelle vil mottakarskolen vere ansvarleg for opplæringa til eleven på det deltidstilbodet eleven er teken inn på.

---

## **15.6 Departementets forslag**

### Departementet foreslår

- at det skal vere lov å gjennomføre delar av opplæringa som fjernundervisning dersom det er gode grunnar for det og det vil vere trygt og pedagogisk forsvarleg, sjå forslaget til § 14-4 første ledd
- at elevar skal få fjernundervisninga på skolen med enkelte unntak, sjå forslaget til § 14-4 andre ledd
- at fjernundervisning skal gjennomførast slik at lærar og elev kan kommunisere effektivt, sjå forslaget til § 14-4 tredje ledd
- at kommunen og fylkeskommunen skal godtgjere at vilkåra er oppfylte, sjå forslaget til § 14-4 fjerde ledd
- at departementet får heimel til å gi forskrift om fjernundervisning, sjå forslaget til § 14-4 femte ledd

## 16 Opplæringsspråk og talemål

### 16.1 Innleiing

Dette punktet handlar om opplæringsspråket og talemålet i grunnskolen og den vidaregåande opplæringa i Noreg. Med opplæringsspråk er det meint kva språk opplæringa skal vere på. Med talemål er det meint den dialekten kvar enkelt snakkar.

### 16.2 Dagens reglar

Det går ikkje eksplisitt fram av opplæringslova kva språk som er opplæringsspråket i grunnskolen og den vidaregåande opplæringa, men det er lagt til grunn at det gjeld eit krav om at språket skal vere norsk eller samisk. Dette kjem til uttrykk mellom anna gjennom at læreplanar og eksamenar er på norsk eller samisk. At opplæringsspråket er norsk eller samisk, kan dessutan også utleiaast av opplæringslova §§ 2-8 og 3-12. Paragrafane seier at elevar som har eit anna morsmål enn norsk eller samisk, har rett til særskild språkopplæring til dei har tilstrekkelege norsk-kunnskapar til å følgje den vanlege opplæringa i skolen.

I den munnlege opplæringa kan elevane og dei tilsette i grunnskolen velje fritt kva talemål, det vil seie kva for ein norsk dialekt, dei vil bruke, jf. opplæringslova § 2-5 andre ledd. Undervisningspersonalet og skoleleiinga skal likevel i størst mogleg grad ta omsyn til talemålet til elevane, det vil seie målform og dialekt ved val av ord og uttrykk.

### 16.3 Høyringsforslaget

Departementet foreslo

- å presisere i lova at opplæringsspråket i Noreg er norsk, samisk eller norsk teiknspråk
- å vidareføre regelen om at elevane og lærarane avgjer sjølv kva talemål dei vil bruke, og at lærarane og skoleleiinga skal ta omsyn til elevane i ordval og uttrykksmåtar, og å gjere tydeleg at dette også gjeld for vidaregåande opplæring

Med dette høyringsforslaget følgde departementet delvis opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 32.2.4. Departementet følgde ikkje opp forslaget frå utvalet om å opne for at departementet etter søknad frå kommunen eller fylkeskommunen kan gi ein skole tidsavgrensa fritak frå kravet til opplæringsspråk.

### 16.4 Høyringsinstansanes syn

30 høyringsinstansar har gitt innspel til forslaget om at det skal komme fram av lova at opplæringsspråket i grunnskolen og den vidaregåande opplæringa er norsk, samisk eller norsk teiknspråk.

Fleirtalet av høyringsinstansane som har uttalt seg, støttar forslaget og meiner det er godt grunnlag i høyringsnotatet. Enkelte større kommunar ønskjer å tilby eit opplæringstilbod på engelsk, medan høyringsinstansar som har som oppgåve å fremje norsk språk, er bekymra for undergraving av det norske språket på sikt.

Enkelte høyringsinstansar uttaler seg om det bør opnast for unntak frå regelen om opplæringsspråk. *Stavanger kommune* og *Oslo kommune* uttaler at dei ønskjer ei opning for unntak.

*Oslo kommune* viser til sitt svar til høyringa av NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*, der kommunen støttar forslaget opplæringslovutvalet hadde til unntaksregel. Kommunen viser til erfaringar frå ei forsøksordning med International Baccalaureate (IB) i grunnskolen. Oslo kommune påpeikar at Oslo er ein internasjonal by. Kommunen ønskjer derfor å gi eit mangfoldig grunnskoletilbod ved å tilby eit internasjonalt skoletilbod på permanent basis. Kommunen meiner at privatskolanane har eit konkurransefortrinn overfor offentlege skolar ved at dei kan tilby IB på grunnskolenivå. *Oslo kommune* påpeikar at ikkje alle foreldre har råd til å sende barna sine på private skolar, og at eit unntak vil gi moglegheit for fleire til å nytte seg av å få opplæring i eit internasjonalt skoletilbod. *Oslo kommune* foreslår derfor følgjande:

Oslo kommune mener kommuner og fylkeskommuner bør ha adgang til å gi opplæring på

et annet språk enn norsk eller samisk etter søknad til departementet. Eventuell godkjenning fra departementet bør ikke nødvendigvis være tidsavgrenset.

*Språkrådet* påpeikar at opplæringslova regulerer ei rekke språkpolitiske område og slik sett er ei sentral språklov. Retten til opplæring i og på eige språk er ein føresetnad for at elevar i det heile skal kunne få god opplæring. *Språkrådet* viser til språklova som seier at hovudmålet med lova er at norsk skal sikrast som hovedspråk og samfunnsberande språk i Noreg. Det vil seie at alle departementa skal ta språkpolitiske omsyn når dei formar ut og gjennomfører sin eigen sektorpolitikk. *Språkrådet* støttar derfor forslaget og viser særleg til at det å ta inn norsk teiknspråk i paragrafen om opplæringsspråk er i samsvar med overordna reglar i språklova. Språkrådet meiner i tillegg at paragrafen også bør opne for at opplæringa kan givast på dei nasjonale minoritetsspråka som Noreg har ansvar for: kvensk, romani og romanes.

*Riksmåls forbundet* og *Noregs mållag* uttaler seg i same retning som Språkrådet og meiner det er positivt at forslaget vil stengje for at skolar i framtidia vil ha engelsk som opplæringsspråk i skolen, og på denne måten hindre ei undergraving av norsk språk.

*Stiftinga nynorsk kultursentrum* og *Det Norske Akademi for Språk og Litteratur* støttar departementets forslag om å ikkje opne for unntak. *Det Norske Akademi for Språk og Litteratur* framhevar at det kan vere gode grunnar til å styrke kompetanse både i engelsk og i andre framandspråk, men at dette ikkje bør skje på kostnad av morsmålet.

Enkelte kommunar meiner regelen om talemål ikkje bør førast vidare fordi det er ei unødvendig regulering. KS har også sett spørjeteikn ved dette. *Stiftinga Nynorsk kultursentrum* meiner det er klokt å halde på formuleringa om at den munnlege opplæringa skal ta mest mogleg omsyn til talemålet til elevane, i ei tid der dialektkunnskap blir nedprioritert i utdanningssektoren og mange dialektar er under press.

Ingen høyningsinstansar har uttalt seg om forslaget om å gjere tydeleg at paragrafen også gjeld for vidaregåande opplæring.

## 16.5 Departementets vurdering

### 16.5.1 Lovfesting av opplæringsspråket i Noreg

I høyringa foreslo departementet at det skal gå tydeleg fram i den nye lova at opplæringsspråket i grunnskolen og den vidaregåande opplæringa i Noreg skal vere norsk, samisk eller norsk teiknspråk.

Stortinget vedtok våren 2021 ny språklov, jf. Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk (språklova)*. Lova tok til å gjelde 1. januar 2022. Formålet med lova er å gi norsk språk lovfast status og sterke vern, og i § 4 er norsk definert som det nasjonale hovedspråket i Noreg. Lova definerer også status for samiske språk, nasjonale minoritetsspråk og norsk teiknspråk. Opplæringsspråk i grunnskolen eller den vidaregåande opplæringa er ikkje tema i språklova.

I Prop. 108 L (2019–2020), punkt 7 er det mellom anna framheva at:

Kunnskaps- og utdanningspolitikk er viktig språkpolitikk. Barnehagesektoren og opplæringssektoren er heilt avgjerande for at befolkninga får opplæring i norsk, samisk, kvensk eller norsk teiknspråk. Opplæringssektoren står i ei særstilling når det gjeld å sikra norsk og samisk som samfunnsberande språk. Derfor må det takast språkpolitiske omsyn når innhaldet i barnehage, skula og lærarutdanning skal utformast. Særleg viktige er dei språkpolitiske vurderingane, inkludert omsynet til ulike språklege mindretal, når det skal gjerast større systemendringar på feltet.

I Prop. 108 L (2019–2020) slår Kulturdepartementet fast at teiknspråk er fullverdige språk og ikkje må sjåast på som hjelpemiddel for menneske med nedsett funksjonsevne. Teiknspråk er fullt utvikla språk med eigne grammatiske reglar og eigen setningsbygning. Det følgjer av språklova § 7 at norsk teiknspråk er det nasjonale teiknspråket i Noreg, og at som språkleg og kulturelt uttrykk er norsk teiknspråk likeverdig med norsk.

Departementet meiner at ein regel om opplæringsspråk bør inkludere dei språka som elevane i dag har rett til å få opplæring *på*. Elevar som har norsk som førstespråk, har rett til opplæring *på* norsk, elevar som bur i forvaltningsområdet for samisk språk, har rett til opplæring *på* samisk, sjá forslaget § 3-2 (grunnskolen), og elevar med høyrselshemming, har rett til opplæring *på* teiknspråk, sjá forslaget § 3-4 og § 6-3. Hausten 2020

vart Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020 (LK20) teke i bruk. Det er eigne læreplanar i mange fag i Kunnskapsløftet 2020 samisk (LK20S). Desse planane er likeverdige og parallele læreplanar for opplæring i samiske distrikt. Det er også utvikla eigne læreplanar i nokre fag for elevar med norsk teiknspråk (Kunnskapsløftet – elever med tegnspråk).

Andre rettar knytte til språkopplæringa gjeld retten til å få opplæring i språk. Desse er det utvikla eigne læreplanar i fag for. Til dømes regulerer forslaget § 3-3 retten elevar har til opplæring i kvensk eller finsk i grunnskolen, og det er ein eigen læreplan i kvensk eller finsk som andrespråk. Det er også eigne læreplanar for elevar frå språklege minoritetar som har rett til særskild språkopplæring. Retten går fram av forslaget § 3-6 (grunnskole) og § 6-5 (vidaregåande opplæring). Ein eigen regel om kva språk som er opplæringsspråk i grunnskolen og den vidaregåande opplæringa, vil ikkje påverke retten til å få opplæring i andre språk enn opplæringsspråket eller retten til å få særskild språkopplæring.

Departementet foreslår at det skal komme fram av lova at opplæringsspråket i grunnskolen og den vidaregåande opplæringa er norsk, samisk eller norsk teiknspråk. Med samisk er det meint nordsamisk, sør-samisk og lulesamisk, jf. forslaget til §§ 3-2 og 6-2. Departementet viser til punkt 29 om retten til opplæring i og på norsk teiknspråk og punkt 30 om retten til opplæring i og på dei samiske språka.

Forslaget til ein eigen regel om opplærings-språk står ikkje i vegen for at lærarane tidvis kan bruke andre språk i opplæringa, til dømes engelsk eller andre framandspråk, i tverrfagleg arbeid. Regelen om opplærings-språk vil ikkje gjelde for private grunnskolar som i dag blir drivne i tråd med reglane i dagens opplæringslov § 2-12, og vil derfor ikkje påverka moglegheita private aktørar har til å drive skolar som følgjer International Baccalaureate (IB), sjá forslaget til § 22-2.

Kravet omfattar både den skriftlege og munnlege opplæringa. Forslaget inneber inga faktisk endring i rettane til elevane, heller ikkje i pliktene til kommunen eller fylkeskommunen.

Innspelet frå *Språkrådet* om at det bør opnast for at opplæringa kan givast på minoritetsspråka kvensk, romani og romanes, har ikkje vore greidd ut og høyrt. Departementet går derfor ikkje vidare med dette.

Opplæringslovutvalet bad departementet vurdere om det er tenleg med ein unntaksregel som opnar for tidsavgrensa bruk av andre opplærings-språk enn norsk og samisk, til dømes i nokre fag, i

lys av mellom anna resultata frå forsøk med engelsk som undervisningsspråk. Det er gjennomført to ulike forsøk i Oslo kommune som mellom anna inneber unntak frå kravet om norsk eller samisk som opplæringsspråk. Sjá punkt 64 om forsøk. Departementet foreslår ikkje å opne for eit unntak frå hovudregelen om opplæringsspråk sidan dette førebels ikkje er tilstrekkeleg greidd ut. Eksisterande forsøksordningar med offentleg IB-utdanning på grunnskolenivå og forsøk med tospråkleg opplæring ved ein grunnskole bør evaluerast før eit eventuelt forslag om unntaksregel blir foreslått.

For at kommunane til dømes skal kunne tilby IB-program som del av den offentlege grunnskolen, må det gjerast omfattande endringar i regelverket i tillegg til å gi unntak frå opplæringsspråket, mellom anna unntak frå kravet om at opplæringa skal vere i tråd med måla og prinsippa for opplæringa. I høyringa har departementet verken vurdert eller foreslått slike endringar. Unntaksregelen som vart foreslått av opplæringslovutvalet innebar å gi høve til «tidsavgrensa» fritak frå kravet til opplæringsspråk. Dersom det skal vurderast unntaksreglar som opnar for varige opplæringstilbod med fritak frå kravet til opplærings-språk, i kombinasjon med andre unntak, bør desse vurderingane gjerast samtidig og sjåast i samanheng.

Departementet vil vurdere om den offentlege skolen bør vere meir fleksibel, for å kunne komme til møtes nokre av dei behova som i dag medfører at ein del elevar og foreldre vel private skolar. Departementet ønskjer derfor å sjá nærare på spørsmålet om den offentlege skolen skal kunne romme eit internasjonalt opplæringstilbod, på linje med private skolar, med til dømes engelsk som opplærings-språk. Departementet vil greie ut dette nærare, og spørsmålet om behov for unntak frå hovudregelen om opplæringsspråk vil vere ein del av eit slikt arbeid.

### 16.5.2 Regulering av talemål

Departementet foreslår å vidareføre dagens regulering om talemål i grunnskoleopplæringa.

Departementet meiner at bruk av ulike dialektar og sosiolektar på ein skole er positivt og at det bidreg til språkleg mangfold. Sjølv om det i dag er anerkjent at elevar, lærarar og andre tilsette i skolen kan bruke den dialekten dei snakkar heime, veit ein ikkje korleis dette vil bli i framtida. Departementet meiner derfor at det framleis er behov for å lovregulere at elevane og lærarane sjølve avgjer kva talemål dei vil bruke, og foreslår å vifa-

reføre dagens regel. Departementet foreslår også å vidareføre regelen om at lærarane og skoleleiinga skal ta mest mogleg omsyn til elevane i ordval og uttrykksmåtar. «Lærarane og skoleleiinga» er brukt som pliktsubjekt her fordi oppfyllinga naturleg skjer på skolenivå. Det er kommunen og fylkeskommunen som har ansvaret for oppfyllinga, jf. forslaget § 28-1 første ledd og § 28-2 første ledd. Samtidig foreslås det å presisere at reglane også gjeld i den vidaregåande opplæringa og ikkje berre i grunnskolen ved å plassere regelen i kapitlet som gjeld for både grunnskolen og den vidaregåande skolen.

## **16.6 Departementets forslag**

---

Departementet foreslår

- å presisere i lova at opplæringsspråket i Noreg er norsk, samisk eller norsk teiknspråk, sjå forslaget til § 15-1 første ledd
- å vidareføre regelen om at elevane og lærarane sjølv avgjør kva talemål dei vil bruke, og at lærarane og skoleleiinga skal ta omsyn til elevane i ordval og uttrykksmåtar, og å presisere at dette også gjeld for vidaregåande opplæring, sjå forslaget til § 15-1 andre ledd

## 17 Bokmål og nynorsk i opplæringa

### 17.1 Innleiing

Dette punktet handlar om val og bruk av norsk skriftspråk (målform) i grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. Med norsk skriftspråk er det meint bokmål og nynorsk.

Dette punktet omtaler også vedtak nr. 67, 22. november 2016: Hovudmål og målformgrupper på ungdomsskolen:

Stortinget ber regjeringen utrede en endring av opplæringslova § 2-5 og andre mulige tiltak som kan sikre elever på ungdomsskolen rett til opplæring på hovedmålet og rett til å tilhøre en egen målformgruppe, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.

### 17.2 Dagens reglar

#### 17.2.1 Opplæringslova og forskrift til opplæringslova

##### Skriftspråk i opplæringa

Etter opplæringslova § 2-5 første ledd skal kommunen fastsetje i forskrift kva skriftspråk som skal vere hovedmål i dei enkelte skolane. Hovudmålet skal brukast både i skriftleg opplæring og i skriftleg arbeid. Det skriftspråket som ikkje er hovedmålet, er sidemålet.

I skriftleg arbeid må elevane på 1. til 7. trinn bruke det same hovedmålet som skolen. Elevane frå og med 8. trinn vel om dei vil bruke bokmål eller nynorsk som hovedmålet sitt, jf. opplæringslova § 2-5 første ledd tredje punktum. Det betyr at elevane på ungdomstrinnet og i vidaregående opplæring vel individuelt kva skriftspråk dei vil bruke i det skriftlege arbeidet. Opplæringslova § 2-5 første ledd regulerer berre skriftspråk i grunnskolen, men det er lagt til grunn at elevar i den vidaregåande skolen har den same valmoglegheita.

##### Skriftspråk i lærebøkene

Opplæringslova § 2-5 tredje ledd handlar om skriftspråk i lærebøkene. Foreldra til elevar på 1.

til 7. trinn vel kva skriftspråk lærebøkene til eleven skal ha, medan eleven vel sjølv frå 8. trinn. Vidare skal elevane ha lærebøker på hovedmålet i norskopplæringa.

Det følgjer av forskrift til opplæringslova § 17-1, jf. opplæringslova § 9-4, at elevane har rett til lærermiddel på det skriftspråket dei ønskjer. Retten gjeld både grunnskoleelevar og elevar i vidaregåande opplæring.

##### Rådgivande røysting om skifte av hovedmål i grunnskolen

Dersom kommunen vil skifte hovedmål ved ein eller fleire grunnskolar, eller eit fleirtal i kommunestyret eller minst ein firedel av dei røysteføre krev det, skal det haldast rådgivande røysting om kva som skal vere hovedmålet. Dette følgjer av opplæringslova § 2-5 siste ledd.

Med heimel i opplæringslova § 2-5 siste ledd er det i forskrift til opplæringslova kapittel 9 fastsett detaljerte reglar om rådgivande røysting om skriftspråk i grunnskolen. Etter forskrifta § 9-2 har alle som bur i skolekrinsen, og som den 30. dagen før røystinga står innførte i folkeregisteret som busett i kommunen, og som seinast det året røystinga blir halden, har fylt 18 år, røysterett. Foreldre til barn på barnetrinnet ved skolen og foreldre som har barn som skal byrje på første trinn ved skolen, har også røysterett, uavhengig av bustad eller statsborgarskap. Etter forskrifta § 9-5 kan det ikkje gjerast nytt vedtak om hovedmål før det har gått minst fem år.

##### Retten til å tilhøyre ei eiga skriftspråkgruppe

Nokre elevar har rett til å tilhøyre ei særskild skriftspråkgruppe, jf. opplæringslova § 2-5 fjerde ledd. Det betyr at desse elevane får opplæring i ei eiga elevgruppe som har eit anna hovedmål enn dei andre elevane på skolen. Retten gjeld når minst ti elevar på eitt av trinna 1 til 7 i ein kommune ønskjer skriftleg opplæring på eit anna hovedmål enn det kommunen har vedteke. Retten gjeld så lenge det er minst seks elevar att i gruppa. Dersom det er fleire skolar i kommunen

som har minst ti elevar som ønskjer eit anna hovudmål, har kvar av desse gruppene rett til ei eiga skriftspråkgruppe på nærskolen sin. Dersom elevane er spreidde på fleire skolar i kommunen, vedtek foreldra med vanleg fleirtal kva skole tilbodet skal givast ved.

Formålet med retten er å gi elevar med andre hovudmål enn fleirtalet opplæring i sitt eige hovudmål, jf. Ot.prp. nr. 67 (2002–2003) side 34. Regelen er ikkje til hinder for at elevar med ulike hovudmål kan få opplæring saman i delar av opplæringa. Føresetnaden er at det ikkje bryt med formålet med regelen. Til dømes kan elevar med ulike hovudmål få opplæring saman i praktisk-estetiske fag.

Skolen må sørge for at elevane får skriftleg materiell på eige skriftspråk. Retten elevane har til særskild skriftspråkgruppe, gjeld ikkje frå 8. trinn.

#### *Dersom eleven blir overført til ein ny skole*

Elevar som blir overførte til ein ny skole med eit anna hovudmål enn det dei har hatt på 1. til 4. trinn, har rett til skriftleg opplæring på det opphavlege hovudmålet på den nye skolen. Dei har også rett til norskundervisning i eiga gruppe, uavhengig av kor mange dei er. Dette følgjer av opplæringslova § 2-5 femte ledd. Det følgjer av forarbeida til lova i Ot.prp. nr. 36 (1996–97), side 168, at det skriftlege arbeidet til både eleven og skolen skal vere på det ønskte hovudmålet. Vidare blir det presisert i forarbeida at regelen ikkje gjeld når skolebytet kjem av at eleven skiftar bustad.

#### *Opplæring i begge skriftspråka*

Elevane skal ha opplæring i begge skriftspråka dei to siste åra i grunnskolen, jf. § 2-5 sjette ledd første punktum. For elevane på 9. og 10. trinn er det dermed obligatorisk sidemålsundervisning. Læreplanverket for Kunnskapssløftet 2020 (LK20) går lenger enn lovregelen ettersom læreplanen i norsk har kompetansemål i både nynorsk og bokmål også på barnetrinnet.

Det følgjer av opplæringslova § 2-5 sjette ledd andre punktum at departementet kan gi forskrift om fritak frå opplæring i sidemål for elevar som får særleg språkopplæring. I forskrift til opplæringslova § 1-11 er det fastsett fritak frå opplæring i skriftleg sidemål for nokre elevgrupper. Kravet til opplæring i skriftleg sidemål gjeld ikkje for elevar som har opplæring i samisk som første- eller andrespråk, finsk eller kvensk som andrespråk eller teiknspråk, og heller ikkje for elevar som har

særskild språkopplæring. Moglegheita til å få fritak frå opplæring gjeld også for elevar i vidaregåande opplæring.

Med heimel i opplæringslova §§ 2-3 tredje ledd andre punktum og 3-4 første ledd er det i forskrift fastsett fritak frå vurdering med karakter i sidemål for enkelte elevgrupper. Etter forskrift til opplæringslova § 3-17 har elevar med individuell opplæringsplan fritak frå vurdering med karakter i sidemål. Etter forskrift til opplæringslova § 3-19 kan elevar som er omfatta av eitt av vilkåra i bokstav a til d, søkje om å få fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål. Elevar som er fritekne vurdering med karakter, skal likevel ha opplæring i skriftleg sidemål.

### **17.2.2 Andre lover**

#### *Kommunelova*

Kapittel 12 i kommunelova handlar om innbyggjardeltaking i form av innbyggjarforslag og folkerøystingar. Kommunestyret eller fylkestinget pliktar sjølv å ta stilling til forslag dersom minst to prosent av innbyggjarane står bak det, sjå kommunelova § 12-1 første ledd. Likevel er 300 underskrifter i kommunen eller 500 i fylket alltid tilstrekkeleg. I tillegg kan kommunestyret eller fylkestinget sjølv bestemme at det skal haldast rådgivande folkerøystingar om forslag som gjeld verksenda til kommunen eller fylkeskommunen, jf. § 12-2.

#### *Språklova*

Språklova tok til å gjelde 1. januar 2022 og erstatta mållova. Formålet med lova er å gi norsk språk lovfast status og sterke vern. Det følgjer av språklova § 4 at norsk er det nasjonale hovudspråket i Noreg, og at bokmål og nynorsk er «likeverdige språk» og «jamstilte skriftspråk». Lova definerer også status for samiske språk, nasjonale minoritetsspråk (kvensk, romani og romanes) og norsk teiknspråk.

### **17.3 Høyringsforslaget**

#### *Departementet foreslo*

- å vidareføre at kommunen skal gi forskrift om det er bokmål eller nynorsk som skal vere hovudmålet ved kvar skole, og lovfeste det same for fylkeskommunen
- å vidareføre kravet om rådgivande røysting ved skifte av skriftspråk i grunnskolen

- å vidareføre retten elevane har til å velje bokmål eller nynorsk i skriftlege arbeid og i læremiddel
- å vidareføre retten til opplæring i ei eiga gruppe på barnetrinnet på det skriftspråket kommunen ikkje har vedteke, men slik at det er kommunen som avgjer kva skole som skal gi tilbodet når elevane er spreidde på fleire skolar
- å utvide retten til opplæring i ei eiga gruppe på det skriftspråket kommunen ikkje har vedteke, til å gjelde også for elevar på 8. til 10. trinn
- å vidareføre retten for elevar som må overførast til ein skole med eit anna skriftspråk enn det dei har hatt på 1. til 4. trinn, til å bruke og få opplæring på det skriftspråket dei hadde, og til å få opplæring i faget norsk i ei særskild gruppe
- å vidareføre at departementet kan gi forskrift om fritak frå opplæring i eitt av dei norske skriftspråka for enkelte elevgrupper
- å erstatte kravet om obligatorisk sidemålsundervisning på 9. og 10. trinn med eit generelt krav om opplæring i begge skriftspråka

Med dette høyringsforslaget følgde departementet delvis opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 32. Departementet følgde ikkje opp utvalets forslag om å ikkje vidareføre kravet om rådgivande røysting ved skifte av skriftspråk i grunnskolen. Utvalet tok ikkje stilling til om retten til opplæring i eiga gruppe på det skriftspråket kommunen ikkje har vedteke bør bli utvida, og departementets forslag var derfor nytt sammenlikna med forslaget frå utvalet.

## 17.4 Høyringsinstansanes syn

### 17.4.1 Kommunen og fylkeskommunen skal gi forskrift om det er bokmål eller nynorsk som skal vere hovudmålet ved kvar skole

Om lag 35 høyringsinstansar har uttalt seg om forslaget om å vidareføre regelen om at kommunen skal gi forskrift om kva hovudmål det skal vere ved kvar skole, og lovfeste det same for fylkeskommunen. Fleirtalet av desse støttar forslaget utan å gi nokre konkrete innspel eller kommentrar. Ein del høyringsinstansar støttar forslaget delvis. Mellom anna *Bergen kommune* er usamd i at skolen skal bruke hovudmålet i kommunikasjonen med elevane og foreldra. *Troms og Finnmark mållag* ønskjer ikkje at fylkeskommunen skal inkluderast i forslaget til § 15-2 første ledd første punktum.

*Bokmålsforbundet* støttar ikkje forslaget og viser til at foreldra bør bestemme skriftspråket til eleven, og at fleirtalet av foreldra bør bestemme hovudmålet ved skolen.

### 17.4.2 Rådgivande røysting ved skifte av skriftspråk i grunnskolen

Om lag 40 høyringsinstansar har uttalt seg om forslaget om å vidareføre kravet om at det skal halda rådgivande røysting ved skifte av skriftspråk i grunnskolen. Eit stort fleirtal av desse støttar forslaget heilt eller delvis. Mellom anna *Språkrådet* viser til at det er ein viktig lokaldemokratisk rett. *Nynorsk forum* støttar forslaget og meiner det er bra at det er allmenn røysterett i røytingane. Eit par høyringsinstansar støttar forslaget delvis og meiner at det berre bør vere foreldre til elevar i skolen som har røysterett.

To høyringsinstansar støttar ikkje forslaget. *Utdanningsdirektoratet* spør om det kan vere tilstrekkeleg å følgje ordinær framgangsmåte for tilsvarende avgjørder i kommunen. Dersom regelen blir vidareført, ber Utdanningsdirektoratet departementet vurdere om det er behov for ein tilsvarende regel for vidaregåande skolar. *Bergen kommune* støttar ikkje forslaget og meiner særregulering bør unngåast.

### 17.4.3 Rett til å velje bokmål eller nynorsk i skriftlege arbeid frå og med 8. trinn og rett til å velje bokmål eller nynorsk i læremiddel

Om lag 50 høyringsinstansar har uttalt seg om forslaget om å vidareføre retten elevane har til å velje bokmål eller nynorsk i skriftlege arbeid og i læremiddel frå 8. trinn, og retten foreldra har til å velje bokmål eller nynorsk i læremiddel for elevar på 1. til 7. trinn.

Eit stort fleirtal av desse støttar forslaget heilt eller delvis. Ein del av desse er likevel kritiske til at foreldre på 1. til 7. trinn kan velje at eleven skal ha lærebøker på bokmål dersom hovudmålet deira er nynorsk, særleg i norskfaget, og det blir vist til at dette kan ha uheldige konsekvensar for opplæringa.

Ei handfull høyringsinstansar er imot forslaget. *Vennesla dialekt- og mållag* og *Troms og Finnmark mållag* meiner at elevane må få bruke og få opplæring i det skriftspråket som kommunen har vedteke som hovudmål for skolane, ut grunnskolen. Dette blir grunngitt i at mange elevar i språkblanda område kjänner eit press om å gå over til bokmål på ungdomstrinnet. *Stiftinga Nynorsk kul-*

*tursentrum, musea for skriftkultur*, meiner også retten til å velje sjølv ikkje bør gjelde før etter ungdomsskolen.

#### **17.4.4 Rett til opplæring i eiga gruppe på det skriftspråket kommunen ikkje har vedteke**

Om lag 25 høyningsinstansar har uttalt seg om forslaget om å vidareføre retten til opplæring i eiga gruppe på barnetrinnet på det skriftspråket kommunen ikkje har vedteke, når minst ti elevar ønskjer det, men slik at det er kommunen som avgjer kva skole som skal gi tilbodet når elevane er spreidde på fleire skolar. Desse støttar forslaget heilt eller delvis.

*Språkrådet* støttar vidareføringa, men meiner at det framleis bør vere foreldra, ikkje kommunen, som avgjer kva skole elevgruppa skal gå på, ettersom kommunen kan komme til å vektlegge lokale økonomiske omsyn tyngre enn språklege interesser. Det same framhevar fleire nynorskorganisasjonar.

Ingen høyningsinstansar er imot forslaget.

Om lag 40 høyningsinstansar har uttalt seg om forslaget om å utvide retten til opplæring i eiga skriftspråkgruppe til også å gjelde for elevar på 8. til 10. trinn. Eit stort fleirtal av desse støttar forslaget heilt eller delvis. Fleire viser til at forslaget er viktig for nynorskelevar som kjem i mindretal på ungdomstrinnet, og at det er uheldig at dei ikkje har denne retten i dag. Mellom anna *Noregs Mållag* støttar forslaget og uttaler:

Det er historisk at departementet med dette føreslår ein heilt ny språkrett til norske elevar. Noregs mållag meiner dette framlegget vil betra situasjonen for nynorskelevarne i randsona av nynorskommrådet. På ungdomsskolar med både nynorskelevar og bokmålslevar i dag fører denne manglande retten til at nynorskelevarne hamnar i mindretal i store klassar og vert underviste på bokmål.

*Jæren mållag* uttaler:

Jæren Mållag er glad for at ny opplæringslov legg opp til at retten til særskild språkgruppe skal gjelda for heile grunnskolen. I gjeldande lov er det berre elevar på 1. til 7. trinn som har rett til å få gå i eiga språkdel gruppe. At retten ikkje gjeld for ungdomstrinnet har vore til stor ulempe for desse alderstrinna.

Nokre høyningsinstansar støttar forslaget delvis og viser mellom anna til at ei utviding av retten kan vere utfordrande. Fleire peikar på at kommunane må kompenserast tilstrekkeleg. Nokre høyningsinstansar, mellom anna *KS* og *Klepp kommune*, peikar på at tiltaket kan gi auka skysskostnader. Fleire kommunar som vil bli ramma av tiltaket, peikar på utfordringar og auka kostnader knytte til behov for fleire lærarar og behov for å utvida arealet på skolen.

Ein høyningsinstans, *Statsforvaltaren i Rogaland*, er imot forslaget. Det blir vist til at dei økonomiske og administrative konsekvensane av forslaget bør greiast ut betre, mellom anna når det gjeld tilgangen på undervisningsrom og lærarar, og at det bør klargjera i kva fag på ungdomstrinnet retten skal gjelde.

#### **17.4.5 Rett til å velje skriftspråk for elevar som blir overførte til ein ny skole**

Om lag 15 høyningsinstansar har uttalt seg om forslaget om at elevar som må overførast til ein ny skole med eit anna skriftspråk enn eleven har hatt på 1. til 4. trinn, framleis skal ha rett til å bruke og få opplæring på det skriftspråket dei hadde, og til å få opplæring i faget norsk i ei særskild gruppe. Alle desse støttar forslaget heilt eller delvis. *Språkrådet* støttar vidareføringa av retten for elevar som må overførast til ein skole med eit anna skriftspråk enn det dei har hatt på 1. til 4. trinn, men meiner at retten bør utvidast til å gjelde opp til 7. trinn. Dette er som ei følgje av at retten til opplæring i eiga elevgruppe er foreslått utvida til ungdomstrinnet.

#### **17.4.6 Heimel til å gi forskrift om fritak frå opplæring i eitt av dei norske skriftspråka for enkelte elevgrupper**

Om lag 30 høyningsinstansar har uttalt seg om forslaget om å vidareføre heimelen til at departementet kan gi forskrift om fritak frå opplæring i eitt av dei norske skriftspråka for enkelte elevgrupper. Alle desse støttar forslaget heilt eller delvis.

*Bergen kommune* meiner det må gå tydelegare fram av lova eller forskrift at eit eventuelt fritak frå vurdering ikkje er det same som fritak frå undervisninga, og dessutan kva grunnlaget for fritak er. Også *Troms og Finnmark mållag* meiner nemninga «fritak frå opplæring» er upresis, og at lova må regulere kva fritaket gjeld for. *Norges Blindeforbund* støttar forslaget, men meiner at elevane som får opplæring i punktskrift, også må omfattast. Forbundet viser til at mange av desse elevane

får fritak frå sidemål i dag, og at lovverket bør vere i tråd med praksis. Det kjem ikkje fram av høyingsfråsegnar om desse elevane faktisk blir fritekne frå opplæringa, eller om det er ei følgje av at dei er fritekne frå *vurdering* i sidemål, og dermed i praksis ikkje får opplæring.

#### **17.4.7 Krav om opplæring i begge skriftspråka**

Om lag 30 høyingsinstansar har uttalt seg om forslaget om å lovfeste eit generelt krav om opplæring i begge skriftspråka til erstatning for kravet om obligatorisk sidemålsundervisning på 9. og 10. trinn. Fleirtalet av desse støttar forslaget. Mellom anna *Språkrådet* og *Noregs Mållag* støttar det, men peikar på at det ikkje må opnast for at sidemålsundervisninga byrjar seinare enn ho gjer i dag.

Fire høyingsinstansar er imot forslaget. *Bergen kommune* er imot ein regel med eit generelt krav og ønskjer heller regulert at opplæringa i sidemål skal starte tidlegare. *Troms og Finnmark mållag* meiner endringa kan medføre at sidemålsopplæringa startar for seint. *Det Norske Akademi for Språk og Litteratur* støttar ikkje forslaget og meiner sidemålsundervisninga bør vere pålagd dei to siste åra av grunnskolen. Organisasjonen er kritisk til at læreplanane seier at ein skal byrje med sidemålsopplæringa tidlegare. *Bokmålsforbundet* ønskjer at det blir presisert at opplæringa hovudsakleg skal skje på hovedmålet til eleven, og meiner at sidemålsopplæringa må avgrensast til eit minimum.

### **17.5 Departementets vurdering**

#### **17.5.1 Kommunen og fylkeskommunen skal gi forskrift om det er bokmål eller nynorsk som skal vere hovedmålet ved kvar skole**

Departementet meiner at den nye opplæringslova bør regulere valet mellom og bruken av dei to norske skriftspråka bokmål og nynorsk. Departementet understrekar at det er viktig at opplæringslova varetar dei språkpolitiske måla som ligg til grunn i den nye språklova, jf. Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk (språklova)*. Språkpolitikken skal fremje reell likestilling mellom bokmål og nynorsk, og det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje nynorsk fordi det er det minst brukte språket. Det inneber at eventuelle endringar i opplæringslova ikkje må redusere posisjonen til nynorsken eller bidra til å redusere eller fjerne

eksisterande mindretalsrettar eller rettar som minoritetar har knytt til språk.

Departementet meiner at kommunen framleis skal fastsetje kva skriftspråk som skal vere hovedmålet ved kvar grunnskole. Valet av hovedmål har betydning for den skriftlege opplæringa ved skolen og den skriftlege kommunikasjonen som lærarane og dei andre tilsette har med elevane.

Departementet meiner at dette også bør gjelde i den vidaregåande opplæringa, slik at fylkeskommunen vedtek kva skriftspråk som skal vere hovedmålet ved dei ulike skolane. Dette gir betre samanheng i regelverket for grunnskolen og den vidaregående opplæringa.

Avgjørda har betydning for rettane til elevane, og kommunen og fylkeskommunen må derfor fastsetje kva skriftspråk som skal vere hovedmålet for skolane i form av forskrift, jf. forvaltningslova § 2. Dagens kunngjeringsplikt for kommunen etter forvaltningslova § 38 bidreg til å sikra at det er kjent og tilgjengeleg for allmenta kva hovedmål skolane har, og departementet meiner at det same kravet må gjelde for fylkeskommunen. Det inneber at kommunen og fylkeskommunen må sørge for å kunngjøre dette slik at det ikkje er tvil om kva skriftspråk som er hovedmål ved den enkelte skolen.

Departementet understrekar at regelen regulerer valet mellom dei to norske skriftspråka bokmål og nynorsk. Regelen er ikkje til hinder for at skolen kan velje at han i den munnlege og skriftlege opplæringa bruker samisk eller norsk teiknsspråk. Reglar om opplæringsspråk er omtalt i punkt 16.

#### **17.5.2 Rådgivande røysting ved skifte av skriftspråk i grunnskolen**

Departementet foreslår å vidareføre kravet om rådgivande røysting ved skifte av skriftspråk i grunnskolen.

Departementet har lagt vekt på at dette er ei velfungerande demokratisk ordning som har lange tradisjonar. Eit krav om rådgivande røysting før eit skifte av hovedmål kan bidra til ei forsterka bevisstgjering og ein viktig språkdebatt lokalt.

Departementet har også lagt vekt på at fleirtalet av høyingsinstansane som har uttalt seg om forslaget, ønskjer å vidareføre kravet.

*Utdanningsdirektoratet* har gitt innspel om at det bør vurderast å innføre ein tilsvarande regel for skifte av skriftspråk i vidaregåande opplæring. Ein tilsvarande regel for skifte av skriftspråk i vidaregående opplæring har ikkje vore høyrt, og

departementet meiner derfor at ein slik regel ikkje bør innførast no.

Departementet foreslår at dei nærmere reglane om røystinga blir gitt i forskrift frå departementet. I dag er det regulert i både opplæringslova og forskrift til opplæringslova når rådgivande røysting om skifte av hovudmål skal haldast, og kven som har røysterett. Departementet vil unngå denne dobbeltregulerenga og meiner det er mest tenleg at dei nærmere reglane om røysterett og organiseringa av røystinga går fram av forskrift.

### **17.5.3 Rett til å velje bokmål eller nynorsk i skriftelege arbeid frå og med 8. trinn og rett til å velje bokmål eller nynorsk i læremiddel**

Departementet meiner det er viktig at elevane blir sikra ei moglegheit til å velje sitt eige skriftspråk i skriftelege arbeid. Departementet meiner at val av læremiddel bør regulerast saman med val av skriftspråk.

Departementet foreslår å vidareføre moglegheita elevane har til å velje bokmål eller nynorsk i skriftelege arbeid og i læremiddel frå og med 8. trinn, og retten foreldra har til å velje skriftspråk i læremidla for barna sine på 1. til 7. trinn. Departementet meiner presiseringa i dagens lov om at elevane i norskopplæringa skal ha lærebøker på hovudmålet, er overflødig. Det er ikkje grunn til å tru at elevane eller foreldra vil velje læremiddel i norskfaget som er på eit anna skriftspråk enn det eleven skal få mesteparten av opplæringa i.

Til innspela om at nynorskelevar kan kjenne press til å bytte hovudmål i overgangen til ungdomstrinnet, vil departementet påpeike at retten skal sikre at elevar har ei reell moglegheit til å velje nynorsk i dei skriftelege arbeida sine og læremiddel dersom dei startar på ein ungdomsskole som har bokmål som hovudmål. Vidare viser departementet til at det i punkt 17.5.4 blir foreslått ein rett til opplæring i eiga skriftspråkgruppe på ungdomstrinnet, og at dette kan bidra til at fleire elevar beheld nynorsk som hovudmål på ungdomstrinnet.

Til innspela om at det er uheldig at ein kan velje læremiddel på eit anna skriftspråk enn hovudmålet som skolen har valt, viser departementet til at det er naturleg at elevane har ein slik rett fordi læremidla skal støtte opp om hovudmålet til elevane. Dette heng dermed saman med retten til å velje kva skriftspråk dei vil bruke i skriftelege arbeid.

Etter departementets forslag vil det følgje direkte av lova at elevane frå 1. til 7. trinn må

bruke det skriftspråket som kommunen har vedteke som hovudmål. I dag seier regelen berre at elevane vel hovudmål sjølv frå 8. trinn. Departementet foreslår vidare at den nye lova presiserer at valfridommen når det gjeld skriftspråk, også omfattar elevar i vidaregående opplæring. Det er i dag lagt til grunn at elevar i vidaregående opplæring har same valfridom som grunnskoleelevar. Departementet meiner det er viktig at rettane til elevane klart kjem fram av lova, og presiseringa vil også gi ein betre samanheng i regelverket.

### **17.5.4 Rett til opplæring i eiga gruppe på det skriftspråket kommunen ikkje har vedteke**

Departementet foreslår å vidareføre retten til opplæring i særskilde grupper for elevar på barnetrinnet som vil bruke eit anna skriftspråk enn det kommunen har fastsett som hovudmål. Retten gjeld når minst ti elevar på eitt av trinna ønskjer slik opplæring. Retten er spesielt viktig for elevar med nynorsk som hovudmål. Denne elevgruppa har liten tilgang til hovudmålet sitt i kvardagen, og skolen spelar derfor ei endå viktigare rolle for språket deira.

Departementet foreslår at retten til opplæring på eige skriftspråk i eigne grupper også skal gjelde elevar på ungdomstrinnet. I dag har elevar på 1. til 7. trinn rett til å få opplæring i ei eiga gruppe på det skriftspråket kommunen ikkje har vedteke, når minst ti elevar på eitt av trinna ønskjer slik opplæring. Med dette forslaget vil retten gjelde likt for elevar på 8. til 10. trinn, når minst ti elevar på eitt av trinna ønskjer slik opplæring.

Nynorsk står generelt svakare enn bokmål som skriftspråk. Mange elevar med nynorsk som hovudmål hamnar i mindretal i språkblanda klassar på ungdomstrinnet. Ei utviding av retten til særskild skriftspråkgruppe kan bidra til å styrke posisjonen til nynorsk i område der han er under press, og kan redusere tendensen til at elevar byter hovudmål når dei byrjar på ungdomstrinnet.

Departementet har lagt vekt på at eit stort fleirtal av høyningsinstansane støttar forslaget, og fleire trekkjer fram at forslaget vil vere eit historisk og viktig tiltak for nynorskelevane.

Forslaget er også i tråd med den nye språklova, som har som formål å styrke norsk språk, og som gir det offentlege eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst brukte skriftspråket.

Forslaget er også i tråd med Stortingets vedtak nr. 67, 22. november 2016:

Stortinget ber regjeringen utrede en endring av opplæringslova § 2-5 og andre mulige tiltak som kan sikre elever på ungdomsskolen rett til opplæring på hovedmålet og rett til å tilhøre en egen målformgruppe, og komme tilbake til Stortinget på egnert måte.

Departementet meiner at der elevar med rett til opplæring i særskilde grupper er spreidde på fleire skolar, bør det vere kommunen som avgjer kva skole tilbodet skal givast på. Kommunen har ansvaret for å gi opplæringa, og han bør sjølv ta avgjerda. Nokre høyringsinstansar har stilt spørsmålet om ikkje kommunen i stor grad vil vektlegge lokale økonomiske omsyn i vurderinga. Departementet viser til at kommunen må ta avgjerda på ein demokratisk og fagleg forvarleg måte som varetek rettane elevane har elles. Departementet viser dessutan til at kommunen allereie i dag avgjer opplæringsstad for opplæring i teiknspråk, samisk og for innføringsklassar, og at denne løysinga vil sikre ei lik ordning på tvers av dei ulike tilboda. Departementet understrekar at dersom det er minst ti elevar på eit trinn på same skole som krev denne retten, har dei etter departementets forslag framleis rett til å få opplæringa på den skolen dei går på.

#### **17.5.5 Rett til å velje skriftspråk for elevar som blir overførte til ein ny skole**

Departementet foreslår å vidareføre at elevar som må overførast til ein skole med eit anna skriftspråk enn det dei hadde på 1. til 4. trinn, har rett til skriftleg opplæring på det skriftspråket dei hadde som hovudmål, og til å få opplæring i faget norsk i ei særskild språkgruppe, uavhengig av kor mange dei er. Retten til å få skriftleg opplæring på det skriftspråket dei hadde som hovudmål, inneber at det skriftelege arbeidet til eleven og skolen skal vere på det ønskte skriftspråket. Retten skal sikre mot ufrivillig byte av hovudmål. Når elevane har fullført fire trinn med opplæring, vil det vere uheldig for opplæringa dersom dei blir tvinga til å byte skriftspråk.

Regelen skal, som etter dagens reglar, forståast slik at retten blir reservert for elevar som må overførast på grunn av endringar i skolestrukturen. Han gjeld dermed ikkje for elevar som endrar bustad.

Til innspelet frå Språkrådet vil departementet presisere at retten til å få bruke og få opplæring i

det skriftspråket dei hadde, og til å få opplæring i faget norsk i ei særskild gruppe, ikkje er avgrensa til 1. til 4. trinn. Tilvisinga til 1. til 4. trinn i lovteksten viser til at det er eit vilkår for retten at eleven har hatt eit anna skriftspråk dei fire første åra i grunnskolen. Det inneber at dersom ein elev har hatt nynorsk som hovudmål på 1. til 4. trinn og må starte på ein ny skole i 5. trinn der hovudmålet er bokmål, har eleven rett til å bruke og få opplæring i nynorsk ved den nye skolen. Eleven har også rett til å få opplæring i faget norsk i ei særskild gruppe.

#### **17.5.6 Heimel til å gi forskrift om fritak frå opplæring i eitt av dei norske skriftspråka for enkelte elevgrupper**

Departementet meiner at det framleis er behov for å kunne gjere unntak for visse elevgrupper frå sidemålsopplæring, og foreslår å vidareføre heimel for departementet til å gi forskrift om fritak frå opplæring i eitt av dei norske skriftspråka. Dei som i dag kan få fritak i grunnskolen, er elevar som får opplæring i og på samisk, i kvensk eller finsk, i norsk teiknspråk, eller som får særskild språkopplæring. I vidaregåande opplæring gjeld det elevar som får opplæring i samisk eller i og på norsk teiknspråk, eller som får særskild språkopplæring. Elevgruppene som kan få fritak frå sidemålsopplæringa, er avgrensa og sakleg grunngitt ut frå språksituasjonen for elevane. Departementet meiner dagens avgrensing er fornuftig, og foreslår å vidareføre denne.

Departementet meiner vidare at forskriftsheimelen for fritak også bør gjelde i den vidaregåande opplæringa. Dette inneber ei presisering av forskriftsheimelen i forslaget til § 6-1 første ledd.

Departementet har merka seg at *Norges Blindeforbund* ønskjer at elevar som får opplæring i punktskrift, også skal få fritak frå opplæring i sidemål. Forbundet viser til at mange av elevane som får opplæring i punktskrift, får fritak frå sidemål i dag, og at denne praksisen bør harmoniserast med lovverket. Det kjem ikkje fram av høyringsinnspelet om desse elevane faktisk får fritak frå opplæringa etter dagens forskrift til opplæringslova § 1-11, eller om dette er ei følgje av at dei er fritekne frå vurdering i sidemål, og dermed i praksis heller ikkje får opplæring i sidemål.

Elevar som får opplæring i punktskrift, kan i dag søkje om fritak frå vurdering med karakter i sidemål, jf. dagens forskrift til opplæringslova § 3-19 bokstav a. Departementet ser at sterkt svaksynte og blinde elevar også kan ha behov for fritak frå opplæringa i sidemål. Ei utviding av høvet til å

få fritak frå opplæring i sidemål har likevel ikkje vore hørt, og må greiast ut nærare, då opplæring i punktskrift skil seg noko frå dei andre unntaks-høva, som har med opplæring i andre språk enn norsk.

Departementet ser at nokre høyningsinstansar påpeikar at det er uklart kva fritaket gjeld for, og kva forskjellen på fritak frå opplæring og fritak frå vurdering er. Departementet vil for ordens skull presisere at det er forskjell på fritak frå opplæring i sidemål og fritak frå vurdering i sidemål. Fritak frå opplæring i sidemål inneber at eleven ikkje deltek i sidemålsopplæringa. Fritak frå vurdering i sidemål inneber at eleven ikkje skal ha standpunkt-karakter eller eksamenskarakter i sidemål. Dette gir likevel ikkje fritak frå sjølve opplæringa. I forslaget til ny § 2-3 er det foreslått å vidareføre at departementet skal gi forskrift om individuell vurdering. Dette omfattar også fritak frå vurdering i sidemål. Forslaget er behandla i punkt 11.5.3.

### 17.5.7 Krav om opplæring i begge skriftspråka

Departementet foreslår å erstatte kravet om obligatorisk sidemålsundervisning på 9. og 10. trinn med eit generelt krav om at elevane skal ha opplæring i begge dei norske skriftspråka. Departementet meiner at innhaldet i faga som utgangspunkt bør regulerast i læreplanane, ikkje i lova.

Ifølgje dagens læreplan i norsk skal elevane få opplæring i begge skriftspråka allereie på 1. og 2. trinn ved å lytte og samtale om tekstar på bokmål og nynorsk. Etter 4. trinn skal elevane lese og lytte til tekstar på bokmål og nynorsk og utforske forskjellar og likskapar mellom skriving på hovudmål og sidemål. Etter 7. trinn skal elevane prøve ut skriving av tekstar på sidemål. Kravet i lova om at sidemålsopplæringa skal starte på 9. trinn, er altså ikkje i tråd med læreplanen, og stiller dermed lågare krav enn det læreplanane krev. Lova gir dermed per i dag ikkje rett informasjon om forpliktingane til skolane og kommunane. Departementet meiner at kravet om at opplæringa skal skje på 9. og 10. trinn, bør fjernast.

Til innspela om at sidemålsopplæringa ikkje må starte seinare enn i dag, og at læreplanane kan

endrast i framtida, vil departementet presisere at det ikkje er meiningsa at det generelle kravet skal leggje til rette for seinare start på sidemålsopplæringa enn etter dagens regel. Tvert imot skal eit generelt krav til sidemålsopplæring bidra til at opplæringa kan starte tidlegare, i tråd med gjeldande læreplan.

## 17.6 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å vidareføre at kommunen skal gi forskrift om det er bokmål eller nynorsk som skal vere hovudmålet ved kvar skole, og lovfeste det same for fylkeskommunen, sjå forslaget til § 15-2 første ledd
- å vidareføre kravet om rådgivande røysting ved skifte av skriftspråk i grunnskolen, men slik at kven som har røysterett, blir regulert i forskrift, sjå forslaget til § 15-2 andre ledd
- å vidareføre rettane til å velje bokmål eller nynorsk i skriftlege arbeid og i lærermiddel, sjå forslaget til §§ 3-1 andre ledd og 6-1 andre ledd
- å lovfeste rett til opplæring i ei eiga gruppe på barne- og ungdomstrinnet på det skriftspråket kommunen ikkje har vedteke, men slik at det er kommunen som avgjer kva skole som skal gi tilbodet når elevane er spreidde på fleire skolar, sjå forslaget til § 3-1 tredje ledd
- å vidareføre retten for elevar som må overførast til ein skole med eit anna skriftspråk enn det dei hadde på 1. til 4. trinn, til å bruke og få opplæring på det skriftspråket dei hadde, og til å få opplæring i faget norsk i ei særskild gruppe, sjå forslaget til § 3-1 fjerde ledd
- å vidareføre at departementet kan gi forskrift om fritak for opplæring i eitt av dei norske skriftspråka for enkelte elevgrupper, sjå forslaget til §§ 3-1 første ledd andre punktum og 6-1 første ledd andre punktum
- å lovfeste eit generelt krav om opplæring i begge skriftspråka, sjå forslaget til §§ 3-1 første ledd første punktum og 6-1 første ledd første punktum

## 18 Læremiddel

### 18.1 Innleiing

Dette punktet handlar om kva krav den nye opplæringslova skal stille til læremiddel, inkludert krav til språklege parallelutgåver på bokmål og nynorsk og krav til rettskriving i læremidla. Det handlar også om krav til skriveprogram som støtar både bokmål og nynorsk.

### 18.2 Dagens reglar

#### 18.2.1 Opplæringslova og forskrift til opplæringslova

*Krav om parallelle utgåver på bokmål og nynorsk (parallelitetskravet)*

Opplæringslova § 9-4 handlar om lærebøker og andre læremiddel. Det følgjer av § 9-4 første ledd at i andre fag enn norsk kan skolane berre bruke lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og til same pris. Kravet om parallelle utgåver på bokmål og nynorsk til same tid og pris blir kalla parallelitetskravet. Departementet kan gjere unntak frå kravet i særlege tilfelle, jf. opplæringslova § 9-4 første ledd andre punktum. Parallelitetskravet er næraare regulert i forskrift til opplæringslova kapittel 17.

Eleven har rett til læremiddel på ønskt målform, jf. forskrift til opplæringslova § 17-1 første ledd første punktum. Kravet til språklege parallelutgåver skal gjere det enklare å realisere retten eleven har til å velje målform.

Parallelitetskravet gjeld for læremiddel. Med «læremiddel» siktar ein til alle trykte og digitale element som er utvikla til bruk i opplæringa, som skal brukast regelmessig og dekkjer dei vesentlege delane av kompetanseområla eller er viktige for dei grunnleggjande ferdighetene, jf. forskrifta § 17-1 tredje og fjerde ledd. Det inneber at det gjeld same vurderingar for trykte og digitale element når det skal vurderast om krava til parallelitet gjeld.

Kravet om språklege parallelutgåver gjeld likevel ikkje for

- faget norsk, jf. opplæringslova § 9-4 første ledd første punktum
- fag med årskull på 300 eller færre elevar, jf. forskrift til opplæringslova § 17-1 andre ledd andre punktum
- kjeldestoff, bakgrunnsstoff, artiklar, aviser, oppslagsverk og liknande, jf. forskrift til opplæringslova § 17-2 andre ledd
- læremiddel der den norske teksten utgjer ein mindre del, jf. forskrift til opplæringslova § 17-2 tredje ledd
- samiske læremiddel, jf. opplæringslova § 9-4 sjette ledd

Det er vanleg å skilje mellom læremiddel og læringsressursar, sjølv om læringsressursar ikkje er eit uttrykk som blir brukt i lovverket i dag. Slik uttrykket blir brukt i dag, kan læringsressursar ha fagleg innhald, gjerne av mindre omfang, og er ofte ikkje utvikla for bruk i skolen.

*Krav til rettskriving, lesebøker, ordlistar og ordbøker m.m.*

Opplæringslova § 9-4 andre ledd handlar om rettskriving. Norske og samiske lærebøker og tilsvarende digitale læremiddel som blir brukte i skolen, skal vere i samsvar med offisiell rettskriving.

Lesebøkene i norskfaget i grunnskolen skal ha nok tilfang på begge skriftspråka, slik at elevane lærer å lese både bokmål og nynorsk, jf. opplæringslova § 9-4 tredje ledd. Ordlistene og ordbøkene som elevane bruker, skal vere godkjende av Språkrådet, jf. fjerde ledd. Kravet gjeld ikkje samiske ordlistar og ordbøker eller tospråklege ordlistar, til dømes frå engelsk til norsk.

Skolane skal ha tilgang til nødvendig utstyr, inventar og læremiddel, jf. opplæringslova § 9-3. Regelen opnar for at både grunnskolar og vidaregåande skolar kan oppfylle kravet om utstyr gjennom å disponere utstyr utanfor skolen, til dømes i lokale bedrifter. Regelen omfattar ikkje læremiddel og utstyr til eige bruk (individuelt utstyr), jf. merknad til paragrafen i Ot.prp. nr. 46 (1997–98) *Om lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*.

Departementet har plikt til å sørge for at det blir utarbeidd lærebøker og andre læremiddel for spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-9. Ansveret for utarbeiding av læremiddel elles er ikkje lovregulert. Utarbeidingsa av læremiddel skjer hos forlaga. Det er opp til skoleeigar og lærarane å halde elevane med læremiddel og å velje kva læremiddel dei ønsker å ta i bruk.

### 18.2.2 Likestillings- og diskrimineringslova

Likestillings- og diskrimineringslova § 27 regulerer innhaldet i læremiddel og undervisninga. Regelen fastset at i barnehagar, skolar og andre utdanningsinstitusjonar som tilbyr opplæring, skal læremidla og undervisninga byggje på formålet i lova. Formålet med likestillings- og diskrimineringslova er «å fremme likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgaver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, alder og andre vesentlige forhold ved en person», jf. § 1. Det er presisert i forarbeida til lova i Prop. 81 L (2016–2017), kapittel 25.8.3, side 255, at regelen ikkje krev at undervisninga og læremidla «bevisst tar sikte på å fremme lovens formål». Vidare må regelen tolkast i lys av ytringsfridommen.

Likestillings- og diskrimineringslova § 18 inneholder krav til universell utforming av IKT. Den tilhøyrande forskrifta, forskrift om universell utforming av informasjons- og kommunikasjonsteknologiske (IKT)-løsninger (forskrift 21. juni 2013 nr. 732), omfattar nettløysingar, irekna digitale læremiddel, og automatar. Verksemder i opplærings- og utdanningssektoren har plikt til å sørge for at eksisterande og nye IKT-løysingar er universelt utforma.

### 18.3 Høyringsforslaget

Departementet foreslo

- å vidareføre parallelitetskravet, og unntaka frå desse, men å ikkje vidareføre heimlar for departementet til å fastsetje forskrift om og gjere unntak frå parallelitetskravet
- å vidareføre krava til rettskriving og godkjende ordlistar og ordbøker
- å ikkje vidareføre kravet om lesebøkene i norskfaget
- å ikkje vidareføre kravet om å følgje læreboknormalen

- å ikkje vidareføre reglane om utstyr og plikta staten hadde til å sørge for læremiddel
- å lovfeste at skolen, så langt det er mogleg, skal bruke skriveprogram som støttar både bokmål og nynorsk, og som følgjer offisiell rettskriving

Departementet følgde i hovudsak opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 32. Forslaget om å lovfeste at skolen, så langt det er mogleg, skal bruke skriveprogram som støttar både bokmål og nynorsk, og som følgjer offisiell rettskriving, var nytt sammenlikna med forslaget frå utvalet.

### 18.4 Høyringsinstansanes syn

#### 18.4.1 Parallelitetskravet

Om lag 85 høyringsinstansar har uttalt seg om forslaget om å vidareføre parallelitetskravet. Eit stort fleirtal av desse støttar at parallelitetskravet med unntaka blir vidareførte.

Fleire støttar likevel forslaget delvis og peikar på at kravet bør utvidast. Mellom anna *Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa* viser til at dei som utviklar læremiddel, omgår parallelitetskravet ved å utnytte skiljet mellom læremiddel og læringsressursar, og at læringsressursar derfor må inngå i kravet. Også *Landssamanslutninga av nynorskkommunar* meiner kravet må utvidast, og at digitalt utstyr og programvare også må omfattast. *Utdanningsforbundet* støttar vidareføringa, men understrekar at kravet ikkje blir oppfylt eller etterprøvd i dag.

Nokre høyringsinstansar, mellom anna *Sametinget* og *Utdanningsforbundet*, ønsker at parallelitetskravet også skal gjelde for læremiddel på dei samiske språka. *Utdanningsforbundet* vedgår at det vil vere svært krevjande å realisere dette, men meiner at det er nødvendig for å betre læremiddelsituasjonen for samiske elevar.

Fleire høyringsinstansar, mellom anna *Språkrådet*, har innspel til sjølvé læremiddeldefinisjonen i forslaget til § 15-3 og ønsker at denne blir oppdatert. Det blir mellom anna vist til at skiljet mellom læremiddel og læringsressursar er noko uklart, og at læremiddelsituasjonen må vere tilpassa dagens bruk av digitale plattformer og læringsverktøy.

Få høyringsinstansar har uttalt seg om forslaget om å ikkje vidareføre heimelen til å fastsetje nærmare reglar om parallelitetskravet i forskrift, og heimelen for departementet til å gjere unntak frå parallelitetskravet. Blant desse er det støtte for å ikkje vidareføre heimlane. Mellom anna *Språkrå-*

*det, Viken fylkeskommune og Utanningsforbundet* meiner det ikkje er behov for å vidareføre desse.

#### **18.4.2 Krav til rettskriving, godkjende ordlister og ordbøker, lesebøker i norskfaget, utstyr og inventar og plikta til å sørge for læremiddel for individuelt tilrettelagd opplæring**

Om lag 35 høyningsinstansar har uttalt seg om forslaget om å vidareføre krava til rettskriving og godkjende ordlister og ordbøker. Alle høyningsinstansane som har uttalt seg, støttar forslaget heilt eller delvis. To høyningsinstansar, *Deanu Sáme-skuvla* og *Statped*, støttar forslaget delvis og meiner at kravet til godkjende ordlister og ordbøker også må gjelde for samiske språk.

Om lag 45 høyningsinstansar har uttalt seg om forslaget om ikkje å vidareføre krava til lesebøker i norskfaget. Fleirtalet av desse ønskjer å behalde kravet og er dermed imot forslaget. *Noregs Mållag* meiner at å fjerne kravet i praksis opnar for at nynorskelevar får læremiddel på bokmål i norskfaget frå første dag i barneskolen. *Språkrådet* viser til at regelen er nødvendig for likestillinga mellom bokmål og nynorsk, og at lovkravet er der for å sikre at også framtidige læreplanar inneheld kompetansekrav i lesing på bokmål og nynorsk. Dei meiner derfor at det ikkje er tilstrekkeleg at dette kjem fram av læreplanane. *Språkrådet* er likevel samd med departementet i at omgrepene «lesebøker» er uklart, og foreslår ei anna formulering av regelen.

Om lag 25 høyningsinstansar har uttalt seg om forslaget om ikkje å vidareføre regelen om krav til utstyr, inventar og læremiddel i skolen. Eit stort fleirtal støttar ikkje forslaget og meiner at regelen må førast vidare. Mellom anna *NHO* viser til at utstyrssituasjonen er avgjerande for kvaliteten på utdanninga, og at utstyrssituasjonen allereie i dag er for dårlig. *Maskinentreprenørenes forbund* er samde i at regelen i teorien er unødvendig, men at ho ikkje bør fjernast sidan utstyrssituasjonen er så dårlig at det ikkje må gjerast endringar som kan svekkje tilgangen ytterlegare.

Om lag 27 høyningsinstansar har uttalt seg om forslaget om å ikkje vidareføre regelen om plikta staten har til å sørge for læremiddel for individuelt tilrettelagd opplæring. Eit stort fleirtal støttar ikkje forslaget. Mellom anna *Likestillings- og diskrimineringsombodet* meiner at regelen må vidareførast, og meiner det er behov for å gjere tydeleg kva forpliktingar skolane og staten har når det gjeld individuell tilrettelegging.

Om lag 60 høyningsinstansar har uttalt seg om forslaget om å lovfeste at skolen så langt det er mogleg, skal bruke skriveprogram som støttar både bokmål og nynorsk. Alle støttar forslaget heilt eller delvis. Mellom anna *Språkrådet* viser til at skriveprogram med støtte for nynorsk er avgjerrande for at elevane skal kunne levere nynorskt-ekstar under same føresetnader som bokmåltekstar.

*Viken fylkeskommune* meiner det er behov for opning for unntak for skriveprogram som til dømes ikkje har tilfredsstilande nynorsk. *Møre og Romsdal fylkeskommune* viser til at det er viktig at skriveprogram støtter både bokmål og nynorsk, og meiner at ein føresetnad for å opne for unntak må vere at innkjøparar og sentrale styresmakter framleis legg press på aktørane som endå ikkje tilbyr tilstrekkeleg støtte, og at unntaket ikkje blir ein snarveg for skolar og tilbydarar.

Fleire høyningsinstansar meiner at det ikkje skal vere mogleg å gjere unntak. Mellom anna *Språkrådet*, *Utdanningsforbundet* og *Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa* meiner at regelen ikkje må innehalde unntak. *Språkrådet* viser til at det i dag er fullt mogleg å berre bruke skriveprogram som støttar både bokmål og nynorsk, og at det derfor ikkje er nødvendig med unntak. *Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa* skriv:

Nynorsksenteret støttar departementet sin intensjon i vurderingane kring digitale verktøy, og ser at ein lovtekst som inkluderer alle digitale verktøy i parallelitetskravet, potensielt kan skapa andre utfordringar for elevar og skolar i nynorskkommunane. Men for å sikra nynorskelevane sine språklege rettar i den digitale skolekvardagen trengst det ein sterkare og meir eintydig lovtekst enn det som er føreslått i § 15-4.

Intensjonen i å definera inn skriveprogram med støtte for bokmål og nynorsk for å kompensera for dette er god, men erfaringa med teknologiprodusentane syner at me treng ei lovformulering utan smothol. Særleg er formuleringa «[s]å langt råd er» ubruukeleg som kriterium for å oppnå reell endring på dette området.

### **18.5 Departementets vurdering**

#### **18.5.1 Om nemningane læremiddel, læringsressursar og verktøy**

Reglane om læremiddel i skolen er med på å definere kva som blir forstått med læremiddel. Etter

dagens reglar er det berre det som blir definert som lærermiddel, som blir omfatta av parallelitetskravet. Departementet ser derfor behov for å gjere tydeleg og avklare korleis nemningane «lærermiddel», «læringsressursar» og «(digitale) verktøy» er definerte og avgrensa i samband med grunnskole og vidaregående opplæring.

Det er i dag fire vilkår for at noko kan kallast eit «lærermiddel» og dermed blir omfatta av parallelitetskravet: Dei er 1) trykte eller digitale, 2) dei er utvikla til bruk i opplæringa, 3) dei skal brukast jamleg i opplæringa, og 4) dei dekkjer vesentlege delar av læreplanen i faget. Dette følgjer av dagens forskrift til opplæringslova § 17-1 tredje og fjerde ledd. Definisjonen er foreslått vidareført i § 15-3 første ledd.

Lærermiddel er ikkje det same som læringsressursar. Læringsressursar kan ha fagleg innhald, gjerne i mindre omfang og i avgrensa emne og tema. Departementet skil dessutan mellom ressursar generelt som kan brukast i opplæringa (til dømes avisartiklar eller leksikon og kjelder på internett), og læringsressursar som er utvikla for bruk i opplæringa.

Vidare definerer departementet verktøy som hjelpemiddel utan spesifikke innhaldskomponentar. Det kan i prinsippet gjelde alle fysiske og digitale verktøy frå blyant og skrivebok, til PC og iPad, men også ulike former for programvare som skriveprogram, rekneark og andre former for kontorstøtteverktøy eller verktøy for å produsere animasjonar, bøker eller liknande. Enkelte slike digitale verktøy er utvikla spesifikt for bruk i opplæringa, medan andre er generelle verktøy som blir nytta i arbeidslivet eller privatlivet.

### **18.5.2 Parallelitetskravet**

#### *Parallelitetskravet og unntak*

Departementet foreslår å vidareføre kravet om at skolane berre kan bruke lærermiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og til same pris (parallelitetskravet). Parallelitetskravet har ein viktig språkpolitisk funksjon og bidreg til at det blir utarbeidd lærermiddel på både bokmål og nynorsk. Dette er særleg viktig for nynorskelevene.

Dagens lov og forskrift inneholder fleire unntak frå kravet om språklege parallelutgåver. Departementet foreslår å vidareføre unntaka frå parallelitetskravet. Departementet foreslår å regulere både parallelitetskravet og unntaka frå kravet samla i lova. Forslaget inneber at det framleis skal vere unntak frå kravet om språklege parallelutgå-

ver i faget norsk, i fag med årskull med 300 eller færre elevar og for lærermiddel der den norske teksten utgjer ein mindre del. Departementet meiner at å samle hovudregelen og unntaka vil bidra til at regelverket blir tydelegare og dermed enklare å rette seg etter.

#### *Parallelitetskravet gjeld lærermiddel*

Departementet meiner at parallelitetskravet framleis berre skal omfatte lærermiddel. Departementet foreslår å regulere kva som blir definert som lærermiddel, i lova. Forslaget inneber å vidareføre vilkåra for at noko kan kallast eit lærermiddel. Departementet meiner at å flytte definisjonen til lova vil bidra til at regelverket blir tydelegare.

Lærermiddel er trykte, ikkje-trykte og digitale element som er utvikla til bruk i opplæringa, som skal brukast jamleg i opplæringa, og som dekkjer vesentlege delar av læreplanen i faget.

Departementets forslag til ny lovregel inkluderer ikkje dagens unntak som gjeld kjeldestoff, bakgrunnsstoff, artiklar, avisar, oppslagsverk og liknande. Dette er kjelder som ikkje er utvikla for bruk i opplæringa, og som dermed ikkje fell inn under definisjonen av lærermiddel. Departementet meiner det er unødvendig å presisere i lova at parallelitetskravet ikkje gjeld for samiske lærermiddel.

Fleire høyningsinstansar meiner at parallelitetskravet må utvidast, slik at det også omfattar læringsressursar. Departementet meiner parallelitetskravet ikkje bør utvidast til å gjelde andre ressursar enn lærermiddel. Ei slik utviding ville avgrensa det pedagogiske og faglege handlingsrommet til skolane. Til dømes skal det vere praktisk mogleg å gi alle elevar ei variert opplæring som er i samsvar med læreplanverket eller den individuelle opplæringsplanen. Skolane skal også kunne drive tilpassa opplæring. Det er derfor viktig at skolane kan ta i bruk ressursar som ikkje nødvendigvis er laga for bruk i opplæringa, og som det er ikkje er tenleg å regulere i opplæringslova.

Samtidig understrekar departementet at samansetninga av lærermiddel og ressursar som blir brukte, i sum skal støtte opp under skriftspråket til eleven. Kva som blir omfatta av parallelitetskravet, skal sjåast i samanheng med retten elevere har til å velje om lærermedla deira skal vere på bokmål eller nynorsk. Kommunen og fylkeskommunen pliktar å sjå til at elevane i størst mogleg grad møter lærermiddel på sitt eige skriftspråk. Kommunen og fylkeskommunen må vurdere om den samla bruken av lærermiddel og læringsres-

sursar på skriftspråket til eleven er tilstrekkeleg for å oppfylle retten til eleven.

Departementet ser også at fleire høyringsinstansar meiner at parallelitetskravet må omfatte digitale verktøy som kontorstøtteprogram, operativsystem og liknande. Departementet forstår intensjonen bak desse innspela, men meiner det vil vere utfordrande å stille eit slikt absolutt krav til alle digitale verktøy. Dersom skolen bruker eit program som ikkje har tilfredsstillande nynorsk, vil parallelitetskravet føre til at skolen må slutte å bruke det aktuelle programmet. Vidare kan det vere utfordrande for kommunar og fylkeskommunar som ønskjer å bruke same kontorstøtteprogram i alle delane av verksemda. Departementet legg likevel til grunn at kommunen eller fylkeskommunen ofte vil ha same administrasjonsspråk som hovudmålet i skolen, og det er derfor ikkje sikkert at eit parallelitetskrav for digitale verktøy i skolen vil leggje avgrensingar på resten av verksemda. Det primære formålet med parallelitetskravet er likevel å sikre elevane, uavhengig av skriftspråk, lik tilgang på lærermiddel på eige hovudmål. For å komme innspela til møtes foreslår departementet heller eit krav til skriveprogram, sjå punkt 18.5.3.

Departementet foreslår å ikkje vidareføre dagens heimel til at departementet kan gi forskrift om kva lærermiddel som er omfatta av parallelitetskravet. Kva som er omfatta av parallelitetskravet, som i dag er regulert i forskrift, er foreslått flytta til lova.

Departementet foreslår vidare å ikkje vidareføre regelen om at departementet kan gjere unntak frå parallelitetskravet i særlege tilfelle. I forarbeida til lova, i Ot.prp. nr. 46 (1997–98) side 182, er det lagt til grunn at det kan vere aktuelt å bruke unntaksheimelen «til å tillate begge målformer i den same boka, og til å gi mellombels unntak frå kravet om samtidig utgivning der parallelutgåva har vore forseinka grunna produksjonstekniske tilhøve».

Heimelen har ikkje vore teken i bruk dei siste åra, og departementet meiner det ikkje er behov for å vidareføre heimelen. Det har heller ikkje komme innspel i høyringa om at det er behov for ein unntaksheimel.

#### *Kommunen og fylkeskommunen har ansvaret for å oppfylle parallelitetskravet*

Etter departementets forslag er det «skolen» som skal bruke lærermiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris. Skolen er ikkje eit eige rettssubjekt, og det er kommunane og fylkeskommunane som har ansvaret for å oppfylle

parallelitetskravet, sjå omtale av kommunane og fylkeskommunane ansvar i punkt 53.

Ein del høyringsinstansar viser til at parallelitetskravet ikkje blir etterlevd i dag. Departementet meiner det er viktig at kommunane og fylkeskommunane er ansvarsmedvitne, og at dei både etterlever parallelitetskravet, og at elevane får tilgang på lærermiddel på skriftspråket sitt. Det er statsforvaltaren som fører tilsyn med desse reglane. Statleg tilsyn med kommunar og fylkeskommunar er omtalt i punkt 60.

#### *Lærermiddel på samisk*

I konsultasjonar med departementet har Sametinget gitt innspel om at det må bli innført ein rett til lærermiddel på samisk i form av ein regel i opplæringslova om at alle lærermiddel som hovudregel må liggje føre på bokmål, nynorsk, nordsamisk, lulesamisk og sør-samisk til same tid. Sametinget har peika på at lærermidla er lærarens viktigaste verktøy i opplæringa, og Sametinget erfarer at lærermiddelsituasjonen ikkje vil bli forbetra dersom lova ikkje forpliktar tilgangen til samiske lærermiddel. Derfor er det prinsipielt viktig for Sametinget at samiske lærermiddel i større grad blir forankra i lovverket. Sametinget har vist til Riksrevisjonens undersøking av retten til opplæring i og på samisk for samiske elevar. Sametinget har også vist til Sametingets supplerande rapport til FNs barnekomité frå 2017.

Departementet har forståing for at lærermiddelsituasjonen knytt til samiske lærermiddel er vanskeleg, men meiner likevel at ein slik regel ikkje bør innførast. Departementet trur ikkje det er praktisk mogleg at alle lærermiddel skal liggje føre på nordsamisk, lulesamisk og sør-samisk til same tid. Vidare vil ein slik regel avgrense kva lærermiddel skolane kan ta i bruk, dersom Sametinget, som har ansvar for å utvikle samiske lærermiddel, ikkje greier å utvikle desse «til same tid».

Departementet meiner at vi bør søkje å forbedre situasjonen for samiske lærermiddel gjennom andre verkemiddel enn ved lov.

Riksrevisjonen konkluderer i undersøkinga si av retten samiske elevar har til opplæring i og på samisk (Dokument 3:5 (2019–2020)), at mangelen på samiske lærermiddel svekkjer opplæringstilbodet til elevane. Rapporten viser at det er fleire utfordringar. Blant anna har lærermiddel dårlig kvalitet, det manglar oversikt over eksisterande lærermiddel og det manglar tilgang til digitale lærermiddel. Vidare finst det få lærermiddel for vidaregående opplæring, og særleg i lule- og sør-samisk manglar det lærermiddel i fleire kjernefag,

både i grunnskolen og i vidaregående opplæring. Det er eit mål at læremidla blir lagde til rette for innhaldet i dei samiske læreplanane, og ei direkte omsetjing av norske læremiddel er derfor ikkje nødvendigvis eit godt alternativ. Det er Sametinget som har ansvaret for å utvikle dei samiske læremidla. Sametinget har utarbeidd ein handlingsplan for læremiddelutvikling 2020–2023. Handlingsplanen omfattar visjonar, tiltak og fokusområde for utvikling av læremiddel.

### **18.5.3 Krav til rettskriving i læremiddel, godkjende ordlister og ordbøker og krav til skriveprogram**

#### *Krav til rettskriving i læremiddel*

Departementet foreslår å vidareføre kravet om at norske og samiske læremiddel skal følgje offisiell rettskriving. Det er viktig at læremidla elevane tek i bruk, følgjer offisiell rettskriving, og eit krav om dette i lova kan bidra til at forlaga prioriterer den språklege kvalitetssikringa av dei norskspråklege og samiskspråklege læremidla.

#### *Krav til godkjende ordlister og ordbøker*

Departementet foreslår å vidareføre kravet til godkjende ordlister og ordbøker. Krav til godkjende ordlister og ordbøker skal motverke at forlaga tilbyr skolane produkt som ikkje er kvalitetssikra språkleg, og redusere risikoen for at ordlister og ordbøker ikkje har god nok kvalitet. Kommunane og fylkeskommunane bør derfor ikkje kunne tilby elevane ordlister og ordbøker som ikkje er godkjende av Språkrådet.

#### *Krav om at skriveprogram skal støtte bokmål og nynorsk*

Departementet ser at mange høyningsinstansar ønskjer at digitale verktøy, slik som skriveprogram, skal omfattast av parallellitetskravet. Departementet foreslår i punkt 18.5.2 å vidareføre at parallellitetskravet berre skal omfatte det som blir definert som læremiddel. Departementet vil likevel foreslå ein eigen regel om at skriveprogram skal støtte både bokmål og nynorsk.

Departementet foreslår eit krav om at skolen skal bruke skriveprogram som støttar både bokmål og nynorsk, og som følgjer offisiell rettskriving. Departementet er samd med dei høyningsinstansane som meiner at det ikkje er nødvendig med eit unntak, slik at skolane kan ta i bruk skriveprogram som ikkje har tilfredsstillande

nynorsk, dersom det ikkje er mogleg å velje eit skriveprogram som har det. Så lenge det finst skriveprogram på marknaden som tilbyr både tilfredsstillande bokmål og nynorsk, bør det vere mogleg for skolane å byte til dette dersom dei i dag bruker skriveprogram som ikkje støttar det. Eit krav utan unntak vil også skape press på produsentar av skriveprogram til å forbetre produkta sine, og dette kan bidra til at skriveprogram med tilfredsstillande nynorsk blir meir tilgjengelege.

#### *Forholdet mellom språklova og opplæringslova*

Ny språklov tok til å gjelde 1. januar 2022. Etter språklova § 10 gjeld det eit generelt krav om at offentlege organ skal følgje den offisielle rettskrivinga for bokmål og nynorsk.

Språklova skil mellom administrativ og pedagogisk verksemd, og ho gjeld som hovudregel berre for administrativ verksemd. Lova regulerer ikkje den pedagogiske verksemda eller tilgangen på språkleg kvalitetssikra læremiddel, slik opplæringslova gjer.

Vidare regulerer dei to lovene ulike situasjoner. Formålet med å regulere rettskriving i opplæringslova er at elevane skal lære seg rettskriving gjennom å bruke læremiddel og oppslagsverk som viser fram den offisielle rettskrivinga. Formålet i språklova er å få offentlege organ til å skrive korrekt fordi dette er med på å tryggje posisjonen til norsk som samfunnsberande språk.

Språklova § 10 gir ikkje reglar for samisk rettskriving. Å vidareføre kravet om offisiell rettskriving i læremiddel er derfor svært viktig for samisk språk. Departementet meiner det er viktig å sikre nye generasjonar samiske språkbrukarar god opplæring i skriftspråket og tilgang til læremiddel og god språkleg kvalitet. Dette blir ikkje styrt av språklova aleine, og opplæringslova er derfor også eit sentralt verkemiddel for å styrkje skriftspråkopplæringa i samisk.

### **18.5.4 Krav til dei trykte læremidla i norskfaget**

Departementet meiner det er viktig med eit lovkrav som synleggjer at elevane skal lære å lese begge skriftspråka. Læremiddel i norskfaget er fritekne frå kravet til parallelle utgåver på bokmål og nynorsk, sjå punkt 18.5.2. Elevane bør likevel møte nok tekstar på både bokmål og nynorsk i norskfaget.

Departementet ser at fleirtalet av høyningsinstansane ønskjer at kravet til lesebøkene i norsk blir vidareført. Det blir mellom anna vist til at kra-

vet er nødvendig for likestillinga mellom bokmål og nynorsk.

Departementet meiner at måten lovkravet er formulert på i dag, ikkje er treffande for formålet. Uttrykket «lesebøker» er eit noko uklart og utdattert omgrep. Uttrykket blir ikkje brukt elles i regelverket eller i læreplanen og har ingen klar definisjon. I leseopplæringa blir det ofte brukt eit breitt tilfang av kjelder, ikkje ei enkelt «lesebok». Formålet med dagens regel er at elevane skal lese nok bokmål og nynorsk til at dei lærer seg begge skriftspråka.

Departementet meiner at kravet bør vidareførast, men foreslår å omformulere regelen. Departementet foreslår at dei trykte læremidla i norskfaget samla skal ha nok tilfang på både bokmål og nynorsk, slik at elevane lærer å lese begge skriftspråka.

#### **18.5.5 Krav til utstyr, inventar og læremiddel i skolen**

Departementet foreslår å vidareføre regelen om krav til utstyr, inventar og læremiddel i skolen. Eit stort fleirtal av høyringsinstansane støttar ikkje at kravet blir fjerna frå lova, og er bekymra for læremiddel- og utstyrssituasjonen i skolane. Departementet er samd i at sjølv om skolane uansett må ha nødvendig utstyr, inventar og læremiddel for å kunne gi elevane opplæringa dei har rett på, kan det gi ein uheldig signaleffekt å fjerne kravet.

#### **18.5.6 Plikta staten har til å sørge for læremiddel for individuelt tilrettelagd opplæring**

Departementet foreslår å vidareføre regelen om plikta staten har til å sørge for læremiddel for individuelt tilrettelagd opplæring. Regelen inneholder ikkje kvalitative eller kvantitative krav. Likevel har regelen betydning, og departementet meiner at han bør bli verande i lova. Sjølv om staten uansett vil halde fram med å løyve midlar til utviklinga av desse læremidla, meiner departementet at ansvaret til staten bør vere synleggjort i lova.

### **18.6 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å vidareføre parallellitetskravet med unntak, sjå forslaget til § 15-3 tredje ledd
- å vidareføre krava til rettskriving i læremiddel og godkjende ordlister og ordbøker, sjå forslag til §§ 15-3 andre ledd og 15-4 første ledd
- å vidareføre krav til trykte læremiddel i norskfaget med ein justering, sjå forslag til § 15-3 siste ledd
- å vidareføre reglane om krav til utstyr, inventar og læremiddel i skolen, sjå forslag til § 15-6
- å vidareføre plikta staten har til å sørge for læremiddel for individuelt tilrettelagd opplæring, sjå forslag til § 11-14
- å lovfeste at skolen skal bruke skriveprogram som støttar både bokmål og nynorsk, og som følgjer offisiell rettskriving, sjå forslaget til § 15-4 andre ledd

## **19 Informasjonsplikta skolen har overfor elevar og foreldre**

### **19.1 Innleiing**

Dette punktet handlar om plikta skolane har til å sørge for at elevane og foreldra får den informasjonen dei treng om rettane og pliktene sine.

### **19.2 Dagens reglar**

Det er fleire reglar i opplæringslova som inneholder ei plikt for skoleeigar til å gi informasjon til elevar og foreldre.

Skolen skal til dømes årleg informere elevar og foreldre om reglane for fritak frå aktivitetar som ut frå eigen religion eller livssyn blir opplevde som støytande eller som utøving av ein annan religion, og om innhaldet i opplæringa, jf. § 2-3 a femte ledd.

Skolen skal informere elevane og foreldra om rettane deira etter kapittel 9 A, jf. § 9 A-9. Elevar og foreldre skal varslast snarast mogleg dersom skolen blir kjend med at noko ved skolemiljøet kan vere til skade for helsa til elevane. Samarbeidsutvalet, skoleutvalet, skolemiljøutvalet, elevrådet og foreldra skal givast informasjon om alt som er viktig for skolemiljøet.

Ordensreglementet skal også gjerast kjent for elevar og foreldre, jf. § 9 A-10, fjerde ledd.

Forskrift til opplæringslova inneholder mange reglar om plikta skolen har til å gi informasjon til elevar og foreldre. Som døme kan nemnast informasjon om tilbod om leksehjelp, rådgivande røysting om skriftleg hovudmål, retten til sosialpedagogisk rådgiving og utdannings- og yrkesrådgiving, kva det vil innebere for eleven å velje vurdering med eller utan karakter, reglar ved formidling av lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar og informasjon om eksamen, vitnemål og retten til å klage. Skolen skal gi informasjon om eleven og det daglege arbeidet, rutinar og anna som er relevant for foreldra til elevar som ikkje er myndige, jf. forskrift til opplæringslova §§ 20-3 og 20-4. Foreldra skal også få informasjon om rettar eleven og foreldra har etter opplæringslova og forskriftera.

### **19.3 Høyringsforslaget**

I høyringa foreslo departementet å vidareføre at skolen skal gi elevane og foreldra deira den informasjonen dei treng, mellom anna om opplæringa, skolemiljøet, skolereglane og dei rettane og pliktene elevane elles har.

Departementet foreslo å samle dagens reglar om plikta skolen har til å gi informasjon til elevar og foreldre, i éin paragraf.

Departementet følgde med dette høyringsforslaget opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 43.2.

### **19.4 Høyringsinstansanes syn**

Det er sju høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget om å vidareføre reglane som handlar om informasjonsplikta til skolane, og om å samle reglane i ein paragraf. I all hovudsak støtta dei forslaga.

*Barneombodet* uttalte at plikta til å gi informasjon om den enkelte eleven ikkje kjem godt nok fram i forslaget.

*Barneombodet* bad vidare om at departementet i forarbeida presiserer kva informasjon foreldre skal få om elevane i konkrete saker, og om det er informasjon dei ikkje skal få om eleven ikkje ønskjer det. *Barneombodet* meiner at det bør komme fram noko om informasjonsplikta i dei tilfella der foreldra ikkje bur saman, og om det er forskjell på kva informasjon som skal givast til den som har den daglege omsorga, og den andre forelderen.

*Nasjonalt Organ For Flerspråklig Opplæring (NAFO)* påpeikar at skolen har eit ansvar for å gi tilpassa informasjon til foreldre og føresette, slik at foreldre og føresette forstår korleis dei kan samarbeide og bidra til det beste for barnet sitt. Dei ønskjer ei presisering av at informasjonen som blir gitt, må vere forståeleg og tilpassa. Dette kan bety å setje om informasjonen til eit språk foreldra og føresette forstår, og i nokre tilfelle at informasjonen må givast munnleg.

Nokre høyningsinstansar har gitt innspel om at informasjonsplikt om retten til opplæring i og på samisk må presiserast i lovteksten. *Sametinget* etterlyser oppfølging av rapporten frå riksrevisjonen som mellom anna peikar på manglande informasjon om rettar og rett til læremiddel på samiske språk, og meiner at rettleiingsplikta skoleeigar har, må synleggjerast. Også *Utdanningsforbundet* meiner at dette må synleggjerast i lova, og skriv:

Utdanningsforbundet støtter departementets forslag til informasjonsplikt overfor elever og foreldre og foresatte i kapittel 34 i høringsnotatet og forslag til ny § 10-8. Utdanningsforbundet mener samtidig at denne paragrafen ikke sikrer samiske elevs og foresattes språklige rettigheter, og skoleeiers plikt til å informere om språklige rettigheter. Rettighetene til samiskopplæring er i dag ikke godt nok kjent utenfor samiske kjerneområder. Retten til opplæring i og på samisk bør derfor fremgå eksplisitt i loven.

## 19.5 Departementets vurdering

Departementet foreslår å vidareføre informasjonsplikta til skolen overfor elevar og foreldre og å samle reglane om plikta skolen har til å gi informasjon, i éin paragraf.

Departementet meiner at dei grunnleggjande rettane til elevane bør synleggjerast i regelverket. For å kunne nytte seg av rettane sine må elevar og foreldre vere informerte og kjenne til rettane. At skolen informerer elevar og foreldre, bidreg til at intensjonane bak rettane i lova blir oppfylte. Å sikre at informasjonen blir gitt, er grunngivinga for å ha informasjonsplikt i lova.

Plikta skolen har til å gi informasjon, er i dag regulert i mange paragrafar i opplæringslova og forskrifter. Dette gir ei oppstykka og lite oversiktleg framstilling av plikta og kan føre til at elevar og foreldre ikkje får den informasjonen dei skal ha. Departementet meiner at å regulere ansvaret og plikta i éin paragraf kan gjere det lettare for skolen å etterleve regelverket.

Departementet foreslår at reglar om plikta skolen har til å gi informasjon, blir lovfesta i éin paragraf.

Departementet meiner at den nye paragrafen bør stille krav til den generelle informasjonen som skal givast alle elevar og foreldre. Elevar og foreldre har rett til informasjon og rettleiing om relevante reglar, særleg rettar og pliktar. Paragrafen bør også stille krav til spesifikk informasjon som

skal givast til enkeltelevar og foreldre i samband med konkrete saker. Til dømes skal skolen årleg informere elevar og foreldre om reglane for fritak frå aktivitetar som ut frå eigen religion eller livssyn blir opplevde som støytande eller som utøving av ein annan religion, og om innhaldet i opplæringa og om rettane deira som gjeld skolemiljø. Elevar og foreldre skal varslast snarast mogleg dersom skolen blir kjend med at noko ved skolemiljøet kan vere til skade for helsa til elevane. Elevrådet, andre organisasjonsformer for elevdemokrati, andre brukarorgan og foreldra skal givast informasjon om alt som er viktig for skolemiljøet. Ordensreglementet skal også gjerast kjent for elevar og foreldre.

Departementet føreset at skolane finn eigna måtar å informere på som sikrar at formålet med plikta blir oppfylt, slik at elevane og foreldra kan nytte seg av rettane sine. Dette føreset at elevar og foreldre er informerte og kjenner til rettane. Det er ikkje tilstrekkeleg å basere seg på at barn vidareformidlar informasjon til foreldra, informasjon må givast direkte til foreldra. Det er dessutan viktig at informasjonen blir gjort tilgjengeleg for alle. Han må formidlast på ein forståeleg måte og eventuelt også via tolk eller på andre språk enn norsk. Skolen bør også ta omsyn til at mange barn har fleire foreldreheimar, og at informasjonen må nå desse.

Paragrafen er generelt forma ut og vil naturleg omfatte alle pliktene som ligg til kommunen og fylkeskommunen, også plikta til å informere om retten til opplæring i og på samisk. Departementet ser likevel at det kan vere behov for å presisere denne plikta i lova for å synleggjere dette ansvaret, det same meiner Sametinget. Sametinget har i konsultasjonar med departementet gitt innspel om at paragrafen eksplisitt bør nemne plikta til å informere om retten til opplæring i og på samisk. Sametinget har gitt uttrykk for at skoleeigarar kan ha for lav kjennskap til, og dermed for lav etterleving av regelverket. Sametinget meiner det er ei utfordring at skoleeigarane ikkje kjenner godt nok til verken samiske elevars rettar, innhaldet i rettane, eller den rettleiingsplikta dei har, og at det også er behov for at skoleeigaren sjølv får rettleiing i retten til samiskopplæring. Også nokre høyningsinstansar har gitt innspel om det same. Det blir vist til at rettane til samiskopplæring ikkje er godt nok kjende, verken for elevar, foreldre eller lærarar, og at det er skoleeigar som har ansvar for å opplyse om dette.

Det er viktig at elevar og foreldre veit om retten til opplæring i og på samisk, slik at dei som ønskjer det, kan ta i bruk retten. Samtidig er det

vikting at skoleeigar og lærarar kjenner til dei rettane som finst innanfor og utanfor forvaltningsområdet for samisk språk, slik at dei kan leggje til rette for dei som ønskjer samiskopplæring. Skolen er ein sentral arena for varetakinga av samisk språk, og kunnskap om dei rettane som finst i dag, er særleg viktig.

Departementet foreslår at lovteksten, slik som forslått i høyringa, skal vere at kommunen og fylkeskommunen skal gi elevane og foreldra den informasjonen dei har bruk for, mellom anna om opplæringa, skolemiljøet og skolereglane, og om dei rettane og pliktene elevane elles har, og at det blir presisert i eit eige punktum at kommunen og fylkeskommunen også skal gi informasjon om retten til opplæring i og på samisk. Sametinget og departementet er samde om å inkludere opplæring i og på samisk i informasjonsplikta.

## **19.6 Departementets forslag**

---

Departementet foreslår

- å vidareføre at skolen skal gi elevane og foreldra deira den informasjonen dei treng, mellom anna om opplæringa, kvar enkelt elev, skolemiljøet, skolereglane og dei rettane og pliktene elevane elles har, sjá forslaget til § 10-8 første punktum
- å lovfeste ein overordna paragraf om plikta skolen har til å gi informasjon til elevar og foreldre, sjá forslaget til § 10-8 første punktum
- at skolen skal informere om retten til opplæring i og på samisk, sjá forslaget til § 10-8 andre punktum

## 20 Samarbeid mellom skolen og foreldra

### 20.1 Innleiing

Dette punktet handlar om samarbeid mellom skolen og foreldra, ofte kalla skole-heim-samarbeid. Det dreier seg her om samarbeidet om den enkelte eleven, medan punkt 22 omtaler skoledemokratiet, altså det kollektive samarbeidet mellom elevane, foreldra og skolen.

### 20.2 Dagens reglar

Opplæringslova § 1-1 slår fast at formålet med opplæringa skal oppfyllast «i samarbeid og forståing med heimen». Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for samarbeid med foreldre i grunnskolen og vidaregående opplæring, jf. opplæringslova § 13-3 d. Det er gitt nærmere reglar om foreldresamarbeid i forskrift til opplæringslova kapittel 20.

Formålet med foreldresamarbeidet er å «bidra til eleven si faglege og sosiale utvikling», jf. forskrift til opplæringslova § 20-1. Skolen skal halde kontakten med foreldra, halde foreldremøte, invitere til samtale med kontaktlærar og elles sørge for informasjon og varsling om forhold som gjeld eleven, jf. forskriftera §§ 20-3 og 20-4. Det er også reglar om varsling av foreldra dersom eleven står i fare for å ikkje få vurdering med karakter, jf. forskriftera § 3-8.

Samarbeidet mellom heimen og skolen er også omtalt i den overordna delen av læreplanverket, under punktet om prinsipp for praksisen til skolen, kapittel 3.3. Her står det mellom anna at god kommunikasjon mellom heim og skole bidreg positivt til arbeidet til skolen med læringsmiljøet og til oppvekstmiljøet til elevane.

### 20.3 Høyringsforslaget

Departementet foreslo

- å vidareføre at skolen skal samarbeide med foreldra om opplæringa til eleven
- å vidareføre heimel for departementet til å gi forskrift om samarbeidet mellom skolen og for-

eldra, men slik at det ikkje er ei plikt til å gi forskrift

Med dette høyringsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 21.5.

### 20.4 Høyringsinstansanes syn

#### 20.4.1 Plikta skolen har til å samarbeide med foreldra

40 høyringsinstansar har uttalt seg om vidareføring av samarbeidsplikta. 30 høyringsinstansar støttar forslaget, medan 10 støttar det delvis og har forslag til enkelte innhaldsmessige eller lovtynniske endringar. Ingen høyringsinstansar er imot forslaget, men enkelte meiner samarbeidsplikta er for vagt formulert. Fleire høyringsinstansar meiner at loveteksten ikkje bør bruke omgrepene «foreldre», men heller «føresette» eller eit anna omgrep som er meir inkluderande, og som femnar alle grupper av elevar og omsorgspersonane deira. Dette gjeld fleire paragrafar i lovforslaget.

Mellom anna *Viken fylkeskommune* kommenterer at ordet «foreldre» i lovforslaget omfattar både foreldre og føresette. Dei er i tvil om lova er tydeleg nok på kven paragrafen gjeld for, og oppfattar «føresette» som meir dekkjande for til dømes elevar i barneverninstitusjonar eller flyktningar som er aleine i landet.

*Utdanningsforbundet* har også kommentert dette:

Selv om departementet noen få steder i høyringsnotatet henviser til både foreldre og føresatte, er det foreldre som det i størst grad refereres til når for eksempel samtykke, involvering og rettigheter omtales. Utdanningsforbundet mener at dette kan skape en usikkerhet knyttet til hvilke rettigheter føresatte har etter loven og mener at føresatte må behandles på samme måte som foreldre.

*Elevorganisasjonen* har dette innspelet:

Elevorganisasjonen mener ordet «foreldre» gjennomgående bør erstattes med «foresatte». Dette er et mer inkluderende begrep, der ikke alle som har juridisk ansvar for et barn i skolen er deres foreldre, og det er viktig at det presiseres.

Nokre høyringsinstansar peikar på at foreldre har ulikt utgangspunkt og ulike føresetnader. *Oslo kommunale foreldreutval* framhevar viktigheita av at samarbeidet blir organisert på ein slik måte at alle foreldra kan delta og bidra, uavhengig av bakgrunnen, språkkunnskapane og føresetnadene til foreldra.

Bruk av tolk i samarbeidet er teke opp av enkelte høyringsinstansar, mellom anna *Norges Døveforbund*, som hevdar at tilgangen til tolk under foreldremøte eller utviklingssamtalar ofte blir redusert som følgje av mangel på tilrettelegging frå skolen si side. Forbundet understrekar i denne samanhengen viktigheita av tolkelova § 6 om ansvaret offentlege organ har for å bruke tolk når det er nødvendig for å vareta omsynet til rettstryggleik eller for å yte forsvarleg hjelp og teneste.

*Antirasistisk Senter* meiner det bør vere eit lovmessig krav om bruk av tolk når saka er av ein slik karakter at rettstryggleiken til eleven eller forsvarlegheita avheng av det.

Når det gjeld avgrensinga av plikta til foreldresamarbeid, er *Barneombodet* samd i at plikta som hovudregel gjeld til eleven fyller 18 år, men at skolen bør legge til rette for samarbeid også etter dette, dersom eleven ønskjer det. *Norsk Forbund for Utviklingshemmede (NFU)* er av same oppfatning, men meiner det for ei nærmere bestemt gruppe av elevar også bør vere ei plikt for skolen å samarbeide med foreldra:

NFU støtter disse forslagene, men savner en vurdering av skolens plikt til å samarbeide med foreldre til elever over 18 år, som ikke er i stand til å samtykke til å involvere foreldrene. Denne elevgruppen bor vanligvis hjemme mens de går på skolen, og foreldrene blir ofte deres taleør mot skolen og annet hjelpeapparat. Skolen bør derfor ha samme plikt til å samarbeide med disse foreldrene, som for foreldre til elever under 18 år, med mindre det er oppnevnt en verge av statsforvalteren. Hvis det er oppnevnt en verge av statsforvalteren, må skolen ha plikt til å samarbeide med den oppnevnte vergen.

*Viken fylkeskommune* påpeikar at dei som har opplæring i bedrift, ikkje er omfatta av paragrafen.

Dei meiner det kan vere nyttig at foreldresamarbeid også blir synleggjort i kapittel 7 (i tillegg til § 1-2):

Det kan være særlig viktig at lærebodriften er bevisst på at det kan være nyttig å samarbeide med foresatte til lærekandidater, som kan ha særskilte behov og vedtak om spesialundervisning.

Fleire høyringsinstansar, mellom anna *Bergen kommune* og *Barneombodet*, meiner det er viktig å sjå regelen om foreldresamarbeid i samanheng med plikta til å gi informasjon til foreldra. *Barneombodet* framhevar også samanhengen med ansvaret til skolen for å gi tilpassa informasjon til foreldra om kva samarbeidet inneber, og meiner det, ut frå lovforslaget, er litt vanskeleg å sjå at skolen har ei slik informasjonsplikt. Ombudet har på bakgrunn av dette nokre lovtekniske innspel til høyringa som gjeld oppbygginga av kapittel 10 i lovforslaget, under dette plasseringa av § 10-3 om samarbeid med foreldra og § 10-8 om informasjon til foreldra. Ombodet meiner ein del av samanhengen mellom reglane forsvinn når dei er plasserte på ulike stader i kapittelet.

*Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG)* uttaler seg også om plasseringa av paragrafane og meiner at §§ 10-1, 10-2 og 10-3 bør flyttast til kapittel 1 i lova for å sikre at formålet med desse prinsipielle paragrafane blir vareteke i bruken av lova.

*Forandringsfabrikken kunnskapssenter* meiner foreldresamarbeid må inn i tittelen på kapittel 10 i lovforslaget. Dei meiner også at ein bør setje § 10-3 om samarbeid med foreldra nærmare i samanheng med dei andre paragrafane om foreldreinvolvering i skolen. Dei har i tillegg innspel som gjeld deling av opplysningar med foreldre:

FNs barnekonvensjon artikkel 16 sier at: «Ingen barn skal utsettes for vilkårlig eller ulovlig innblanding i sitt privatliv, [...]. Barnet har rett til lovens beskyttelse mot slik innblanding eller slike angrep.» Denne rettigheten gjelder også ved deling av opplysninger til foreldre. For å sikre den i praksis, må barns prosessrettigheter presiseres i denne paragrafen, sånn at alle elever skal oppleve et rettssikkert skole-hjem-samarbeid.

*Sentralt ungdomsråd Oslo* har også innspel knytt til forholdet mellom foreldre og barn og tilfelle der det kan vere usikkert korleis barnet har det heime:

I enkelte tilfeller mener vi at det er bedre å hjelpe eleven med å komme i kontakt med skolehelsetjenesten eller psykisk helsetjeneste før de foresatte bringes på banen. Dette er også viktig for å ivareta elevens personvern og selvbestemmelsesrett.

#### **20.4.2 Forskriftsheimel om samarbeidet mellom skolen og foreldra**

27 av 30 høringsinstansar som har uttalt seg, støttar forslaget om at departementet kan gi forskrift om samarbeidet mellom skolen og foreldra. Det er likevel ulike oppfatningar om kor detaljerte forskriftene bør vere, og kva som bør regulerast. I høyringa bad departementet om innspel frå høringsinstansane til kva delar av samarbeidet det er særleg behov for nasjonale forskriftsreglar. Mange høringsinstansar, mellom anna *Barneombodet* og *Statsforvaltaren i Innlandet*, meiner det er viktig å ha forskriftsreglar som gir felles føringar for foreldresamarbeidet, slik at det ikkje blir for store forskjellar mellom skolane.

*Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG)* meiner primært det må ligge tydelege rammer i lovteksten, sekundært at departementet skal gi forskrift.

*Oslo kommunale foreldreutval* uttaler:

Det er åpenbart et behov for å regulere dette samarbeidet i forskrift for dermed å skape klare rammer og gi utfyllende regler for samarbeidet. En forskrift vil sikre at reglene er like, uavhengig av hvilken skole elevene går på. Nasjonale forskriftsregler vil også kunne bidra til å skape mer forutsigbarhet i samarbeidet skole-hjem. Oslo KFU mener det er behov for å regulere skolens informasjonsplikt overfor foreldrene. Skolens ansvar for å gi tilpasset informasjon i klart språk om hva samarbeidet innebefærer, og hva skolen forventer av foreldrene, slik at foreldrene forstår hvordan de kan samarbeide og bidra til det beste for elevene.

Fleire av kommunane meiner det er tenleg med forskriftsregulering av foreldresamarbeidet. *Bergen kommune* har innspel til innhaldet i ei eventuell forskrift:

Bergen kommune mener at det er hensiktsmessig at dette samarbeidet reguleres gjennom en forskrift om samarbeid mellom skole og foreldre. En slik forskrift kan tenkes å inneholde følgende: reguleringer om hvordan skolen involverer og tar initiativ til et forpliktende

samarbeid, hvordan foreldre og foresatte får nødvendig informasjon, hvordan de gis mulighet til å ha innflytelse på sine barns skolehverdag, hvordan skolen kommuniserer med hjemmet der målet er å støtte elevens opplæringsprosesser og faglige utvikling, hvordan samarbeidet skal være i ulike typer elevsaker, f.eks. utarbeidelse av individuelle opplæringsplaner.

Enkelte kommunar og fylkeskommunar meiner derimot at det er uheldig med for detaljert regulering på dette området. *Rogaland fylkeskommune* meiner reglane om samarbeid med foreldre bør gjerast mindre omfattande, og foreslår at lovteksten nøyser seg med å fastslå at skolen har ansvar for samarbeid med foreldre, spesielt om overgangen frå ungdomsskolen til vidaregående, og at dette vil gi skolen moglegheita til å komme fram til dei lokale løysingane som er best.

*Oslo kommune* har følgjande innspel:

Vi ber departementet vurdere om det er nødvendig med så detaljerte regler som finnes i dagens forskrift til opplæringsloven §§ 20-3 og 20-4. Etter vårt syn er dette prosedyrer som kan fastsettes i den enkelte kommune eller på den enkelte skole. Hvis detaljreguleringene i §§ 20-3 og 20-4 fjernes, kan formålet med og overordnede krav til foreldresamarbeidet fremgå av lovbestemmelsen.

### **20.5 Departementets vurdering**

#### **20.5.1 Plikta skolen har til samarbeid med foreldra**

*Kva forslaget inneber*

Departementet meiner at eit godt samarbeid mellom skolen og foreldra om opplæringa til den enkelte eleven er verdifullt og nødvendig for å skape eit godt grunnlag for læring og danning. Alle som har uttalt seg om forslaget, støttar at opplæringslova framleis skal ha reglar som forpliktar skolen til å samarbeide med foreldra.

Departementet foreslår at samarbeidet om den enkelte eleven blir regulert i ein eigen paragraf og i det same kapittelet som reglane om det beste for eleven, elevane sin rett til medverknad, informasjon til elevane og foreldra og skoledemokrati. Forslaget inneber at skolen framleis skal ha ei lovpålagd plikt til å samarbeide med foreldra fram til elevane er myndige. Plikta må sjåast i

samanheng med paragrafane i barnelova §§ 30 til 33 om foreldreansvaret og sjølvråderetten til barnet. Ved sida av at skolen skal samarbeide med foreldra, har eleven sjølv rett til å bli høyrd og til å medverke, uavhengig av alder. Dette blir omtalt nærmere i punkt 21. På opplæringsfeltet kan elevane på ein del område bestemme sjølve frå dei er 15 år, slik som ved val av skole/utdanning og ved samtykke til individuelt tilrettelagd opplæring. Skolen skal likevel ha plikt til å samarbeide med foreldra til elevar over 15 år, så lenge samarbeidet ikkje er i konflikt med retten eleven har til å ta eigne avgjerder etter barnelova § 32 og forslaget § 24-5. Foreldra har ei omsorgs- og oppfølgingsplikt for barnet fram til fylte 18 år, og samarbeidsplikta må sjåast i samanheng med dette.

Plikta skal gjelde både for grunnskolar og vidaregåande skolar, men ikkje når ungdom har læretid i bedrift. Samarbeid med heimen er også tema i forslaget § 1-3 første ledd. Denne paragrafen gjeld heile grunnopplæringa, altså også for dei som har læretid i bedrift, og for vaksne deltakarar dersom desse er under myndig alder. Når det gjeld lærerkandidatar med rett til individuelt tilrettelagd opplæring, viser departementet til eigne reglar om elev- og foreldremedverknad. Sjå punkt 25.

Plikta skolen har til å samarbeide med foreldra, fell bort når eleven blir myndig. Skolen bør likevel leggje til rette for samarbeid med foreldra også når eleven har fylt 18 år, dersom eleven ønsker det.

#### *Om ordet «foreldre»*

Fleire høringsinstansar har gitt innspel til bruken av ordet «foreldre» i forslaget til ny lov og meiner dette bør endrast til *føresette*, eventuelt *foreldre og føresette*, for å inkludere elevar som ikkje bur saman med foreldra sine. Departementet vil understreke at ordet foreldre er meint å omfatte også føresette, det vil seie dei som varetok foreldreansvaret i staden til foreldra. Samarbeidsplikta til skolen skal gjelde anten eleven bur saman med foreldra sine eller til dømes på institusjon eller hos fosterforeldre. Departementet held derfor ved lag ordlyden i forslaget om at skolen skal samarbeide med foreldra om opplæringa til eleven.

I samband med foreldresamarbeidet må skolen elles ta omsyn til dei reglane som gjeld for varetaking av barnets partsrettar etter opplæringslova og etter andre lovverk, mellom anna barnelova, barnevernslova og vergemålslova.

#### *Om samarbeid med foreldre til elevar over 18 år*

Departementet har fått innspel som gjeld gruppa av elevar som er over 18 år, men som ikkje kan samtykkje til involvering av foreldre, eller som har fått utnemnt verje etter verjemålslova. Det blir sett spørjeteikn ved om ikkje skolen bør ha ei tilsvarende plikt til å samarbeide med foreldra eller verja til desse elevane.

Departementet vurderer at det ikkje er behov for å regulere dette i lova, men vil presisere at skolen også for desse elevane skal leggje til rette for foreldresamarbeid. Samarbeid med foreldra er viktig dersom eleven er over 18 år, men framleis står under verjemål og er avhengig av hjelp frå foreldra.

#### *Kven som har ansvar for samarbeidet*

Det følgjer av dagens opplæringslov at det er kommunen og fylkeskommunen som skal sørge for foreldresamarbeidet, jf. § 13-3 d. Ettersom oppgåva naturleg blir gjennomført på skolenivå, foreslår departementet at ordlyden blir endra til «skolen». Kommunen og fylkeskommunen har uansett ansvaret for at plikta blir oppfylt. Sjå punkt 4.5.6 for vurderinga til departementet av pliktsubjekt. Dei fleste av høringsinstansane støttar departementets forslag om at skolen skal vere pliktsubjekt.

Departementet meiner at lovreguleringa av samarbeidet mellom skolen og foreldra til eleven bør vere på eit overordna nivå, og at det i utgangspunktet bør vere opp til partane å bli samde om korleis samarbeidet skal gå føre seg.

Det er skolen, som den profesjonelle parten, som har ei plikt etter lova til å samarbeide, ikkje foreldra. Dersom samarbeidet skal fungere, er det likevel ein føresetnad at foreldra deltek aktivt. Skolen har eit ansvar for å gi tilpassa informasjon til foreldra om kva samarbeidet inneber, og kva dei forventar av foreldra, slik at foreldra forstår korleis dei kan samarbeide og bidra til det beste for barnet sitt.

#### *Samanhengen med plikta til å gi informasjon m.m.*

Plikta skolen har til å samarbeide med foreldra, må sjåast i samanheng med plikta til å gi informasjon til foreldra, sjå punkt 19 og lovforlaget § 10-8. Kommunen og fylkeskommunen, i praksis ofte skolen, skal gi både generell informasjon til elevar og foreldre, og spesifikk informasjon til enkeltelevar og foreldre i samband med konkrete saker. Informasjonsplikta skal sikre at elevane og forel-

dra får den informasjonen dei har bruk for, mellom anna om opplæringa, skolemiljøet og skolereglane og om rettane og pliktene elevane elles har. Reglane i barnelova styrer retten foreldre har til informasjon om barnet sitt.

Fleire høyningsinstansar er opptekne av denne samanhengen og har gitt lovetekniske innspel til kapittel 10 i lovforslaget. Fleire meiner at den foreslakte paragrafen om foreldresamarbeid i § 10-3 bør følgjast av regelen i § 10-8 om plikt til å gi informasjon til foreldra, slik at samanhengen mellom pliktene kjem klarare fram.

Nokre meiner også at paragrafen er så sentral at han bør inngå i kapittel 1 i lova. Departementet viser i samband med dette til formålsregelen i forslaget § 1-3 om at opplæringa skal skje «i samarbeid og forståing med heimen». Departementet meiner det er viktig at paragrafen om foreldresamarbeid står i samanheng med dei andre paragrafane i kapittel 10 i forslaget, og held på forslaget om plassering.

I samarbeidet med foreldra må skolen ta ansvar for at det beste for eleven blir vurdert, og at eleven får høve til å medverke og bli hørt, slik at rettane og tilliten eleven har til skolen, blir varetekne. Skolen skal også ta omsyn til at elevar har rett på privatliv, jf. barnekonvensjonen artikkel 16. Skolen må derfor informere eleven om at dei vil dele opplysningar dei har fått frå eleven, med foreldra. Eleven skal få uttale seg om i kva grad opplysningane skal delast med foreldra, kva informasjon foreldre skal få, og korleis skolen bør gi denne informasjonen.

#### *Andre instansars rolle*

Når det gjeld høyningsinnspele som gjeld involvering av andre instansar framfor foreldresamarbeid, viser departementet til at dette er omtala i andre punkt i proposisjonen. Tverrfagleg samarbeid er omtalt i punkt 23. Departementet presiserer at plikta til foreldresamarbeid må sjåast i samanheng med dei andre pliktene skolen har overfor elevane og overfor samarbeidande instansar.

#### **20.5.2 Kva skolen skal samarbeide med foreldra om**

Forslaget om plikta skolen har til å samarbeide med foreldra, er i hovudsak ei vidareføring av dagens plikt i opplæringslova § 13-3 d. Departementet foreslår å presisere direkte i lova at samarbeidet skal gjelde opplæringa. Dette følger i dag

av forskrift til opplæringslova § 20-1 om formålet med foreldresamarbeidet.

Departementet har merka seg at fleire instansar meiner at lova skal vere tydelegare når det gjeld kva skolen skal samarbeide med foreldra om. At samarbeidet skal gjelde «opplæringa», skal forståast vidt. Plikta inneber at skolen skal samarbeide med foreldra om både den faglege og sosiale utviklinga til eleven. Samarbeidet skal, som i dag, også omfatte andre sider av opplæringa enn den reint faglege og sosiale utviklinga, til dømes samarbeid ved skolestart, fråværet til eleven, anna utvikling hos eleven og overgangar mellom trinn og mellom skolar. Departementet vil understreke at eit godt samarbeid mellom skolen og foreldra er viktig i samband med skolestart både for barn som har gått i barnehage, og barn som ikkje har gått i barnehage, i overgangen mellom barnetrinnet og ungdomstrinnet og i overgangen til vidaregående opplæring. Godt foreldresamarbeid er også særleg viktig i tilfelle der eleven har faglege utfordringar, der eleven har behov for ulike former for tilrettelegging, når det er utfordringar i skolemiljøet, eller når eleven på annan måte er særskilt sårbar.

#### **20.5.3 Bruk av tolk i samarbeidet**

Det kan vere behov for tolk ved kommunikasjon mellom skolen og foreldra til eleven, og skolen må vurdere når det er nødvendig med tolk. Stortinget vedtok i juni 2021 lov om offentlege organs ansvar for bruk av tolk mv. (tolkeloven), jf. Prop. 156 L (2020–2021) *Lov om offentlege organers ansvar for bruk av tolk mv. (tolkeloven)*. Lova tok til å gjelde 1. januar 2022.

Tolkelova § 6 inneholder krav om at offentlege organ skal bruke tolk når det er nødvendig for å vareta omsynet til rettstryggleik eller for å yte forsvarleg hjelp og teneste. Innanfor grunnopplæringa kan omsynet til forsvarleg hjelp og teneste gjere det nødvendig med tolk i konkrete saker, til dømes i saker om fysisk og psykososialt skolemiljø og i saker om særskild tilrettelegging og oppfølginga av barn og unge gjennom utviklingsamtalar og liknande. Avhengig av tema på foreldremøta kan det vere nødvendig å bruke tolk i særlege tilfelle også her, dersom informasjonen som blir gitt i møtet er heilt avgjerande for at foreldra skal kunne vareta interessene til barnet sitt. Det kan til dømes dreie seg om alvorlege saker knytte til skolemiljø eller til rus og ungdomskriminalitet. Om tolk er nødvendig må vurderast konkret opp mot omsynet til rettstryggleik og forsvarleg hjelp og teneste. Det er oppstilt ein viss terskel

for i kva type saker tolk er nødvendig. Det er ikkje hensikta at kravet om tolk skal femne alminnelege og kvardagslege samtalar med foreldre om barnet deira eller skoletilbodet. Samtidig må skolen vere merksam på den generelle regelen i tolkelova § 6 siste ledd, som slår fast at når eit offentleg organ elles er i kontakt med personar som ikkje kan kommunisere med organet på norsk, bør organet vurdere å bruke tolk.

Nokre høyringsinstansar har også understreka viktigeita av at reglane i tolkelova blir følgde av skolane. Departementet er samd i dette, men ser ikkje grunn til å innføre ei dobbeltregulering gjennom å ta tilsvarande krav inn i opplæringslova.

#### **20.5.4 Forskriftsheimel om samarbeidet mellom skolen og foreldra**

Departementet foreslår å vidareføre heimelen for departementet til å gi nærmere reglar om samarbeidet mellom skolen og foreldra i forskrift, men slik at departementet ikkje lenger skal ha plikt til å gi forskrift.

Departementet meiner det er gode grunnar til framleis å gi forskrift med utfyllande reglar for samarbeidet skolen har med foreldra, for å sikre at enkelte reglar er like, uavhengig av kva skole elevane går på.

Det store fleirtalet av høyringsinstansane som uttaler seg, støttar ei vidareføring av ein forskrits-

heimel, men det er ulike meininger om kva som bør forskriftsregulerast. Nokre kommunar og fylkeskommunar er imot detaljregulering, medan andre høyringsinstansar meiner det er viktig å ha nasjonale føringar. Enkelte høyringsinstansar er opptekne av å forskriftsregulere foreldresamarbeidet på spesielle område av opplæringsfeltet, som til dømes skolemiljøsaker eller saker om spesialundervisning.

Forslag til forskrifter til den nye opplæringslova vil bli sende på eiga høyring. Departementet vil derfor gjere ei nærmere vurdering av innspela i samband med arbeidet med ny forskrift til opplæringslova.

Departementet vil også vurdere om det er behov for ytterlegare rettleatingsmateriell om godt foreldresamarbeid.

#### **20.6 Departementets forslag**

---

Departementet foreslår

- å vidareføre at skolen skal samarbeide med foreldra om opplæringa til eleven, sjå forslaget til § 10-3 første ledd
- at departementet kan gi forskrift om samarbeidet mellom skolen og foreldra, sjå forslaget til § 10-3 andre ledd

## 21 Medverknaden til elevane og sjølvråderett for dei over 15 år

### 21.1 Innleiing

Dette punktet handlar om retten elevane har til å ytre seg og bli høyrde (den individuelle medverknaden til elevane) om alt som gjeld dei sjølve etter lova. Punktet handlar også om sjølvråderett for dei over 15 år, som kan sjåast i samanheng med punkt 40.6 om inntaksreglar i vidaregåande opplæring.

### 21.2 Dagens reglar

#### 21.2.1 Grunnlova og Noregs internasjonale forpliktingar

##### Grunnlova

Elevane har rett til opplæring, og opplæringa skal «fremje respekt for demokratiet, rettsstaten og menneskerettane», jf. Grunnlova § 109. Grunnlova pålegg også «å leggje til rette for eit ope og opplyst offentleg ordskifte», jf. § 100 siste ledd. Barn har etter Grunnlova § 104 krav på respekt for menneskeverdet sitt. Dei har rett til å bli høyrt i spørsmål som gjeld dei sjølve, og det skal leggjast vekt på meininga deira i samsvar med alder og utvikling. Paragrafen slår fast medverknadsretten til barna i spørsmål som gjeld dei sjølve.

##### FNs barnekonvensjon

Det er fleire reglar i barnekonvensjonen som er relevante for medverknaden til elevane. Barnekonvensjonen gir til dømes barn rett til å bli høyrt (artikkel 12), rett til å ytre seg (artikkel 13) og rett til å organisere seg (artikkel 15).

Retten barna har til å bli høyrt, kjem fram av barnekonvensjonen artikkel 12:

- Partene skal garantere et barn som er i stand til å danne seg egne synspunkter, retten til fritt å gi uttrykk for disse synspunktene i alle forhold som vedrører barnet, og tillegge barnets synspunkter behørig vekt i samsvar med dets alder og modenhet.

- For dette formål skal barnet særlig ges anledning til å bli hørt i enhver rettslig og administrativ saksbehandling som angår barnet, enten direkte eller gjennom en representant eller et egnet organ, på en måte som er i samsvar med saksbehandlingsreglene i nasjonal rett.

Det er lagt til grunn at retten til å bli høyrt omfattar både det å få uttale seg, det å bli lytta til og at det ein seier, blir teke omsyn til.

Barnekonvensjonen artikkel 13 slår fast barns ytringsfridom:

- Barnet har rett til ytringsfrihet, til å få og gi informasjon og ideer av alle slag og på alle måter. Begrensninger kan bare gjøres av hensyn til andres rettigheter eller for å beskytte nasjonal sikkerhet og offentlig orden.
- Utøvelsen av denne rett kan undergis visse begrensninger, men bare begrensninger som er fastsatt ved lov og som er nødvendige:
  - av hensyn til andres rettigheter eller omdømme, eller
  - for å beskytte nasjonal sikkerhet, offentlig orden (ordre public) eller offentlig helse eller moral.

Retten barn har til ytrings- og informasjonsfridom, kan ikkje avgrensast, til dømes i skoleregular, med mindre det er lovgrunnlag for avgrensinga og ho er grunngitt med omsyna nemnde i bokstav a og b. Det kjem fram av Generell kommentar nr. 12 om retten barnet har til å bli høyrt fra FNs barnekommité at ytringsfridommen til barnet ikkje er det same som retten barnet har til å bli høyrt. Det første er rettar barnet har som medborgar i eit demokrati, det andre er rettar barnet har i si eiga sak.

Vidare står reglane i barnekonvensjonen om det beste for barnet (artikkel 3), retten til å bli høyrt (artikkel 12), ytrings- og informasjonsfridommen til barnet (artikkel 13) og retten til informasjon (artikkel 17) i ein nær funksjonell sammenheng.

## **21.2.2 Opplæringslova og forskrift til opplæringslova**

Elevmedverknad er omtalt fleire stader i opplæringslova. Elevane «skal ha medansvar og rett til medverknad», jf. opplæringslova § 1-1 sjette ledd andre punktum.

Det er regulert særskilt at elevane skal høyrast før det blir gjort vedtak om spesialundervisning, jf. § 5-4. I saker som gjeld skolemiljøet, blir det slått fast at alle elevar som er involverte i ei sak, skal bli høyrde, jf. § 9 A-4. Elevane har frå 8. trinn rett til å velje hovudmål og om dei skal ha opplæring i og på samisk, jf. §§ 2-5 og 6-2.

Forskrift til opplæringslova inneholder ulike reglar om retten elevane har til å medverke i eigen opplæringssituasjon. I forskrifta kapittel 3 er det reglar om individuell vurdering i grunnskolen og i vidaregående opplæring. Mellom anna har elevane rett til samtale om utvikling i faga, jf. forskrifta § 3-7. I undervegsvurdering i fag skal elevane få delta i vurderinga av eige arbeid og reflektere over eiga læring og faglege utvikling, jf. forskrifta § 3-10 andre ledd bokstav a.

Ungdom som har fylt 15 år, søker sjølve om inntak til vidaregåande opplæring. Dette følger av opplæringslova § 3-1 første ledd siste punktum. I forarbeida til dagens regel står det at regelen klargger retten ungdommane har til sjølvråderett i forhold til foreldra, og at «[d]et vil seie at elevar eller lærlingar i den vidaregåande opplæringa kan ta avgjerder på eiga hand i spørsmål knytte til opplæringa, til dømes samtykkje til spesialundervisning, kursval eller valfag», sjå Ot.prp. nr. 46 (1997–98).

## **21.2.3 Andre lover**

### *Barnelova*

Retten for barnet til å vere med på avgjerder er regulert i barnelova § 31. Etter kvart som barnet blir i stand til å danne seg eigne synspunkt om det saka dreier seg om, skal foreldra høre på kva barnet har å seie, før dei tek avgjerder om personlege forhold for barnet. Eit barn som har vorte sju år, og yngre barn som er i stand til å danne seg eigne synspunkt, skal få informasjon og høve til å seie meininga si før det blir teke avgjerder om personlege forhold for barnet. Meininga til barnet skal bli vektlagd etter alder og modnad. Når barnet har vorte tolv år, skal det leggjast stor vekt på kva barnet meiner. Barn som har vorte 15 år,

avgjer sjølve spørsmålet om val av utdanning, jf. barnelova § 32.

### *Barnehagelova*

Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehageverksemda og i saker som gjeld dei sjølve, jf. barnehagelova § 3. Barn skal jamleg få moglegheit til å delta aktivt i planlegging og vurdering av barnehageverksemda. Synspunkta til barnet skal få vekt i samsvar med alderen og modnaden til barnet.

### *Barnevernslova*

Det følgjer av barnevernslova § 1-4 at eit barn som er i stand til å danne seg eigne meiningar, har rett til å medverke i alle forhold som omhandlar barnet etter lova. Barnet skal få tilstrekkeleg og tilpassa informasjon og har rett til fritt å gi uttrykk for meiningane sine. Barnet skal bli lytta til, og meiningane til barnet skal vektleggjast i samsvar med alderen og modnaden til barnet.

## **21.3 Høyringsforslaget**

I høyringa foreslo departementet

- å lovfeste at elevane har rett til medverknad i alt som gjeld dei sjølve etter opplæringslova, at elevane skal få tilstrekkeleg og tilpassa informasjon og har rett til å ytra meiningane sine fritt og bli høyrde, og at meiningane til elevane skal vektleggjast i samsvar med alderen og modnaden til eleven
- å vidareføre innhaldet i dagens reglar i opplæringslova om at ungdom over 15 år sjølve søker om inntak til vidaregåande opplæring, men å ta inn dette som ein del av ein meir generelt utforma paragraf som presiserer at retten til sjølvråderett for dei over 15 år også gjeld enkelte andre spørsmål knytte til grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring, for både ungdom og vaksne

Med høyringsforslaget i det første strekpunktet over følgde departementet i hovudsak opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 19. Høyringsforslaget i det andre strekpunktet er nytt og skil seg frå forslaget til utvalet i NOU-en kapittel 24 om å ikkje vidareføre dagens reglar om at ungdom over 15 år sjølve søker om inntak til vidaregåande opplæring.

## 21.4 Høyringsinstansanes syn

### 21.4.1 Elevanes rett til individuell medverknad

Det er om lag 50 høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget om å lovfeste retten elevane har til å ytre seg og bli høyrde, i ein eigen paragraf. Alle som har uttalt seg, støttar forslaget heilt eller delvis. Blant desse er *Barneombodet, Statsforvaltaren i Oslo og Viken, Statped, Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG), Oslo kommune, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, Norsk Lektorlag, Unicef Norge og Forandringsfabrikken*.

*Utdanningsforbundet* er blant dei som er positive til at forslaget er formulert i tråd med tilsvarende paragrafar i barnelova og ny barnevernslov. *FUG* og *Forandringsfabrikken* meiner det er gode grunnar til å leggje innhaldet i paragrafen endå tettare opp til ny barnevernslov.

Fleire høyringsinstansar, blant dei *Barneombodet* og *UNICEF Norge*, meiner det bør gjerast tydeleg i paragrafen at elevar har krav på den tilrettelegginga dei treng for å kunne gi uttrykk for sitt syn. Det blir vist til at dette er ein føresetnad for å sikre reell medverknad. *Statped* påpeikar at god medverknad føreset at det blir lagt til rette for medverknad for alle elevar uavhengig av språk, kommunikasjonsevne og kommunikasjonsform.

*Elevorganisasjonen* er bekymra for formuleringa om at «det skal leggjast vekt på meiningsane deira etter alder og modning». *Elevorganisasjonen* viser til at sjølv om formuleringa er lik artikkel 12 i FNs barnekonvensjon, kan ein spørje seg kor reell medverknaden blir for dei yngre elevane i grunnskolen. Dei viser vidare til at formuleringa kan opne for store lokale forskjellar, fordi modnad er svært vanskeleg å definere. Dei uttaler at dei ønskjer gode rundskriv og rettleiingar dersom ikkje formuleringa blir teken ut.

Fleire høyringsinstansar, blant dei *Redd Barna, FUG* og *Vestfold og Telemark fylkeskommune*, meiner paragrafen om retten til individuell medverknad må plasserast innleiingsvis i lova. *FUG* og *Redd Barna* er bekymra for at paragrafen ikkje blir varetaken når ho er plassert i kapittel 10 i lova. *Vestfold og Telemark fylkeskommune* viser til at retten til medverknad er eit grunnleggjande omsyn som får verknad for alt som omhandlar elevane, og at paragrafen bør plasserast innleiingsvis i lova.

### 21.4.2 Sjølvråderett for dei over 15 år

Dei aller fleste av dei om lag ti høyringsinstansane som har uttalt seg, støttar heilt eller delvis forslaget om å i hovudsak vidareføre innhaldet i dagens lovregel om at ungdom over 15 år sjølv søker om inntak til vidaregående opplæring, men å ta inn dette som ein del av ein meir generell utforma paragraf som presiserer at retten til sjølvråderett for dei over 15 år også gjeld andre spørsmål knytte til opplæringa i grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa. *Barneombodet* støttar forslaget, men meiner regelen bør plasserast ein annan stad i lova, til dømes i kapittel 10.

*Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG)* skriv:

Noen steder i loven, i tilknytning til språkvalg, er elever tillagt selvråderett fra 8. trinn, hvilket innebærer en lavere «myndighetsalder» enn 15 år. Det bør kanskje presiseres i loven at den generelle selvråderetten fra fylte 15 år gjelder dersom ikke annet er bestemt i loven. Selvråderett for valg av morsmål og tospråklig opplæring bør være i tråd med selvråderett rundt spesialundervisning (altså 15 år, ikke 8.trinn). Dagens forslag kan f.eks. få konsekvenser for den enkelte samiske elevs utvikling av eget morsmål.

*KS* meiner primært at § 24-4 i høyringsforslaget om sjølvråderett bør takast ut av lova, fordi dette er regulert i barnelova. Dersom departementet går vidare med høyringsforslaget, ber *KS* departementet vurdere rekkjefølgja mellom §§ 24-4 og 24-5 i høyringsforslaget, slik at det blir tydelegare at barnelova § 32 også gjeld der barnevernenesta har overteke omsorga.

## 21.5 Departementets vurdering

### 21.5.1 Elevanes rett til individuell medverknad

*Regulering av retten elevane har til å ytre seg og bli høyrte*

Departementet foreslår å lovfeste at elevane har rett til medverknad i alt som gjeld dei sjølv etter opplæringslova. Retten barn har til å bli høyrde, følgjer i dag av Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen artikkel 12. Sjølv om dobbeltreguleringar ifølge retningslinjene for regelstyring som eit utgangspunkt bør unngåast, sjå punkt 4.5.7, meiner departementet at det er grunn til å regulere

retten til å bli hørt i opplæringslova. I dag er retten til å bli hørt innteken i enkelte av paragrafane i opplæringslova, mellom anna i reglane om skolemiljøet til elevane. Til liks med opplæringslovutvalet meiner departementet det er uheldig at sentrale rettar berre kjem fram fragmentarisk av lova. Dette kan skape uvisse om kva som gjeld i paragrafane der retten ikkje er teken inn. For å sikre at skolen varetak retten barn har til å bli høyrde i alle saker, bør det derfor vere ein generell og overordna regel om dette. Skolen er til for elevane, og opplæringslova bør synleggjera dei grunnleggjande rettane deira. Å ha ein generell paragraf om retten til å bli hørt samsvarer også med lovutviklinga generelt.

#### *Om innhaldet i reguleringa*

Departementet foreslår at retten elevane har til å ytre seg og bli høyrde kjem fram av ein eigen paragraf. Retten til å bli hørt etter opplæringslova bør gjelde elevar. Prinsippet om at barn har rett til å bli høyrde, slik det kjem fram av Grunnlova og barnekonvensjonen, gjeld for personar under 18 år. Elevar i vidaregående opplæring er eller blir 18 år i løpet av det siste skoleåret. Departementet meiner at det er lite tenleg å skilje mellom elevar under og over 18 år. Forslaget inneber dermed ei utviding samanlikna med det som følgjer av andre regelverk. Paragrafen vil ikkje gjelde for dei som har læretid i bedrift, eller for deltakrarar i opplæringa for vaksne. Prinsippet om at barn har rett til å bli høyrde, vil likevel, i kraft av Grunnlova og barnekonvensjonen, gjelde for dei som har læretid i bedrift og for deltakrarar i opplæringa for vaksne, når dei er under 18 år. Dei som har læretid i bedrift, vil også vere omfatta av arbeidsmiljølova der det er eigne reglar om retten og plikta arbeidstakrarar har til medverknad. Departementet foreslår å innføre eigne reglar om vaksne deltakrarar sin rett til medverknad, sjá punkt 43.25.

Departementet foreslår å lorfeste at elevane har rett til medverknad i alt som gjeld dei sjølv etter opplæringslova. Departementet har etter høyringa gjort enkelte justeringar i paragrafen. Departementet meiner det ikkje er nødvendig å lorfeste i paragrafen at elevane skal få tilstrekkeleg og tilpassa informasjon, fordi det er omfatta av den generelle plikta kommunen og fylkeskommunen har til å gi informasjon, sjá forslaget til § 10-8. For at elevane skal kunne gi uttrykk for sitt syn, er det ein føresetnad at dei får den informasjonen dei treng. Informasjonen må vere forståeleg og til-

passa føresetnadene til eleven. Sjå nærare omtale av informasjonsplikta i punkt 19.

Departementet meiner at formuleringa om at meiningerne til elevane skal vektleggjast etter alder og modnad, ikkje er til hinder for retten dei yngre elevane har til medverknad. Formuleringa er i samsvar med tilsvarende paragrafar i barnekonvensjonen og i barnevernslova. Departementet meiner vidare at det ikkje er nødvendig å ta inn i lovteksten at retten til å medverke gjeld barn som er i stand til å danne seg eigne meininger, tilsvarende formuleringa i barnevernslova. Departementet viser til at barn i opplæringspliktig alder er fem år eller eldre.

Departementet har merka seg høyringsinnspeila om plasseringa av paragrafen. Departementet meiner paragrafen bør vere plassert i kapittel 10 i den fjerde delen av lova om fellesreglar for grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa for barn og unge, og viser til omtalen av strukturen i lovforslaget i punkt 6.

#### **21.5.2 Sjølvråderett for dei over 15 år**

Departementet foreslår å vidareføre innhaldet i lovregelen i opplæringslova om at ungdom over 15 år sjølv søker om inntak til vidaregåande opplæring, men å ta inn dette som ein del av ein meir generelt utforma paragraf som presiserer at retten til sjølvråderett for dei over 15 år også gjeld andre spørsmål knytte til opplæringa i grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa. Alle høyringsinstansane som har uttalt seg om forslaget, støttar dette heilt eller delvis.

Opplæringslovutvalet viste til at regelen er overflødig sidan barnelova § 32 seier at barn som har vorte 15 år, sjølv avgjer spørsmål om val av utdanning. Dobbeltregulering er ikkje tenleg, og ei løysing kan vere å fjerne dagens regulering i opplæringslova. Barnelovutvalet la i desember 2020 fram forslaget sitt til ny barnelov i NOU 2020: 14 *Ny barnelov – Til barnets beste*. Barnelovutvalet har vurdert spørsmålet om kvar reglane om aldersgrenser for spørsmål om utdanningsval skal stå, og utvalet meiner desse reglane bør følge sektorlovgivinga, altså mellom anna opplæringslova. Sidan det er ei moglegheit for at reglane om aldersgrense for eigne utdanningsval blir tekne ut av barnelova, meiner departementet at det i alle fall inntil vidare bør vere reglar om dette i opplæringslova.

Opplæringslovutvalet meiner at dagens regel i opplæringslova kan gi inntrykk å vere snevrare enn det som er meiningsa. Utvalet peikar på at ordlyden «søkjer sjølv om inntak» kan oppfattast som

at det berre er avgjerder ved sjølve søknaden den enkelte ikkje treng foreldresamtykke til, medan forarbeida til regelen presiserer at regelen også gjeld ved andre val knytte til opplæringstilbodet i den vidaregåande opplæringa. Departementet er samd i at ordlyden ikkje er dekkjande, og meiner at regelen derfor bør justerast slik at han ikkje blir oppfatta snevrare enn det som er meininga.

Departementet meiner vidare at det er lite tenleg dersom paragrafen i opplæringslova om sjølvråderett berre gjeld vidaregåande opplæring for ungdom. Dagens reglar i barnelova § 32 omfattar også dei mellom 15 og 18 år som går på ungdomsskolen, og dei mellom 15 og 18 år som får opplæring for vaksne. Paragrafen i opplæringslova bør derfor gjelde generelt for all opplæring etter opplæringslova.

Sjølv om barnet har vorte 15 år, kan foreldre og andre med fullmakt frå barnet hjelpe både med søknader, klager og annan kontakt med styremakter. Fleire kan vere part i same sak avhengig av kven vedtaket gjeld direkte. Foreldre og andre kan også ha rettsleg klageinteresse etter forvaltningslova sjølv om barnet har fylt 15 år. Dette har noko å seie for moglegheita til å klage på enkeltvedtak retta mot barnet, sjå nærmere omtale i punkt 20. Lov- og forskriftsreglar kan gi foreldre eller andre føresette klagerett. Eit døme på dette er dagens forskrift til opplæringslova § 5-2, der foreldre til barn under 18 år har sjølvstendig klagerett i saker om individuell vurdering sjølv om barnet er over 15 år. Sjølv om plikta skolen har til å samarbeide med foreldra fell bort når eleven blir myndig, bør skolen likevel leggje til rette for samarbeid med foreldra også når eleven er myndig, dersom eleven ønskjer det. Dette er nærmere omtalt i punkt 20. Foreldre har også ei omsorgs- og oppfølgingsplikt for barn opp til 18 år, noko plikta skolen har til å samarbeide med foreldra, må sjåast i samanheng med.

Departementet foreslår at reglane om sjølvråderett skal gjelde *spørsmål knytte til opplæringa*. Dette blir mellom anna avgrensa mot aldersgrenser for rett til sjølvråderett i spørsmål om deling av personopplysnings (personvernrettsleg myndigalder). Datatilsynet har i prakssisen sin lagt til grunn at ein bestemmer over eigne personopplys-

ningar frå fylte 15 år, men at det gjeld ei grense på 18 år for særlege kategoriar av personopplysnings. Departementet går ikkje nærmare inn på dette, men viser til at barnelovutvalet i NOU 2020: 14 foreslår å regulere ein generell personvernrettsleg myndigalder i den nye barnelova. Sjå NOU 2020: 14, kapittel 17.2.7.3.4, for vurderingane frå barnelovutvalet.

Når det gjeld innspelet frå FUG om at sjølvråderett i tilknyting til språkval gjeld allereie frå 8. trinn, og at ein derfor bør vurdere å ta inn i lova at den generelle sjølvråderetten frå fylte 15 år gjeld dersom ikkje anna er bestemt i lova, gjer departementet merksam på at regelen er meint å vere generell, og at han gjeld med mindre anna er spesifisert i lova.

Når det gjeld plassering av paragrafen i lova, foreslår departementet å plassere denne i sjuande del om forskjellige reglar. Sidan paragrafen også gjeld val for dei som får opplæring for vaksne, passar det ikkje å plassere paragrafen i kapittel 10 slik *Barneombodet* ønsker. Kapittel 10 omfattar ikkje opplæring for vaksne. Departementet er samd med KS i at §§ 24-4 og 24-5 i høyningsforslaget kan bytte plass, slik at det blir tydelegare at reglane om sjølvråderett også gjeld der barneverntenesta har overteke omsorga.

## 21.6 Departementets forslag

Departementet foreslår å

- lovfeste at elevane har rett til medverknad i alt som gjeld dei sjølve etter opplæringslova, at elevane har rett til å ytra meiningane sine fritt og bli høyrde, og at meiningane til elevane skal vektleggjast i samsvar med alderen og modnaden til eleven, sjå forslaget til § 10-2
- å vidareføre innhaldet i dagens reglar i opplæringslova om at ungdom over 15 år sjølve søker om inntak til vidaregåande opplæring, men å ta inn dette som ein del av ein meir generell utforma paragraf som presiserer at retten til sjølvråderett for dei over 15 år også gjeld enkelte andre spørsmål knytte til grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring, for både ungdom og vaksne, sjå forslaget til § 24-5

## 22 Skoledemokratiet

### 22.1 Innleiing

Dette punktet handlar om skoledemokratiet for elevane og foreldra. Med skoledemokrati meiner departementet det kollektive samarbeidet mellom elevane, foreldra og skolen.

Samarbeidet til skolen med foreldra om opplæringa til den enkelte eleven er tema i punkt 20.

### 22.2 Dagens reglar

#### 22.2.1 Grunnlova og Noregs internasjonale forpliktingar

##### Grunnlova

Elevane har rett til opplæring, og opplæringa skal «fremje respekt for demokratiet, rettsstaten og menneskerettane», jf. Grunnlova § 109. Grunnlova pålegg også «å leggje til rette for eit ope og opplyst offentleg ordskifte», jf. § 100 siste ledd. Barn har etter Grunnlova § 104 krav på respekt for menneskeverdet sitt. Dei har rett til å bli høyrde i spørsmål som gjeld dei sjølve, og det skal leggjast vekt på meiningsa deira i samsvar med alder og utvikling. Paragrafen slår fast medverknadsretten til barna i spørsmål som gjeld dei sjølve.

##### FNs barnekonvensjon

Det er fleire reglar i barnekonvensjonen som er relevante for skoledemokratiet. Barnekonvensjonen gir til dømes barn rett til å bli høyrde (artikkel 12), rett til å ytre seg (artikkel 13) og rett til å organisere seg (artikkel 15).

Retten barna har til å bli høyrde, kjem fram av barnekonvensjonen artikkel 12:

- Partene skal garantere et barn som er i stand til å danne seg egne synspunkter, retten til fritt å gi uttrykk for disse synspunktene i alle forhold som vedrører barnet, og til å legge barnets synspunkter behørig vekt i samsvar med dets alder og modenhet.

- For dette formål skal barnet særlig ges anledning til å bli hørt i enhver rettslig og administrativ saksbehandling som angår barnet, enten direkte eller gjennom en representant eller et egnet organ, på en måte som er i samsvar med saksbehandlingsreglene i nasjonal rett

Det er lagt til grunn at retten til å bli høyrt omfatter både det å få uttale seg, det å bli lytta til og at det ein seier, blir teke omsyn til.

Barnekonvensjonen artikkel 13 slår fast barns ytringsfridom:

- Barnet har rett til ytringsfrihet, til å få og gi informasjon og ideer av alle slag og på alle måter. Begrensninger kan bare gjøres av hensyn til andres rettigheter eller for å beskytte nasjonal sikkerhet og offentlig orden.
- Utøvelsen av denne rett kan undergis visse begrensninger, men bare begrensninger som er fastsatt ved lov og som er nødvendige:
  - av hensyn til andres rettigheter eller omdømme, eller
  - for å beskytte nasjonal sikkerhet, offentlig orden (ordre public) eller offentlig helse eller moral.

Retten barn har til ytrings- og informasjonsfridom, kan ikkje avgrensast, til dømes i skoleregular, med mindre det er lovgrunnlag for avgrensinga og denne er grunngitt med omsyna nemnde i bokstav a og b. Det kjem fram av Generell kommentar nr. 12 om retten barnet har til å bli høyrt frå FNs barnekomité at ytringsfridommen til barnet ikkje er det same som retten barnet har til å bli høyrt. Det første er rettar barnet har som medborgar i eit demokrati, det andre er rettar barnet har i si eiga sak.

Vidare står reglane i barnekonvensjonen om det beste for barnet (artikkel 3), retten til å bli høyrt (artikkel 12), ytrings- og informasjonsfridommen til barnet (artikkel 13) og retten til informasjon (artikkel 17) i ein nær funksjonell saman-

heng. FNs barnekomité skriv dette i avsnitt 110 til kommentaren om behovet for lovgiving av elevrepresentasjon:

En stabil medvirkning fra barna i beslutningsprosessene kan oppnås gjennom blant annet klasseråd, elevråd og elevrepresentasjon i skolestyrer og utvalg, der de fritt kan gi uttrykk for sine meninger om utviklingen og implementeringen av skolepolitikk og atferdkodekser. Disse rettighetene må lovfestes, slik at man ikke er avhengig av godvilje fra myndigheter, skoler og rektorer for å få dem gjennomført.

Hovudpoenget i uttalen fra komiteen er at lovgivinga må sikre stabil medverknad frå barna i avgjerdssprosessane. Komiteen gir nokre døme på korleis dette kan gjerast, men statane står fritt innanfor rammene etter konvensjonen til å avgjere korleis lovgivinga skal formast ut, og kva rettar elevane meir konkret skal givast.

#### *Europarådets pakt for menneskerettighetsundervisning og opplæring til demokratisk medborgerskap*

Europarådets pakt for menneskerettighetsundervisning og opplæring til demokratisk medborgerskap byggjer på at utdanning og opplæring speler ei nøkkelrolle i å fremje menneskerettar, folkestyre og rettsstaten, jf. pakta kapittel III. Eit sentralt omgrep i pakta er «demokratisk medborgerskap», som i punkt 2 bokstav a er definert slik:

«Opplæring til demokratisk medborgerskap» (education for democratic citizenship, EDC) innebære[r] utdanning, opplæring, bevisstgjøring, informasjon, framgangsmåter og aktiviteter som, ved å utruste elever med kunnskaper og ferdigheter og utvikle forståelse, holdninger og atferd, har som mål å gjøre dem i stand til å utøve og forsvare sine demokratiske rettigheter og plikter i samfunnet, til å sette pris på mangfold og til å delta aktivt i det demokratiske livet, med det for øye å fremme og verne folkestret og rettsstaten.

I punkt 5 listar pakta opp fleire mål og prinsipp som «bør veilede medlemsstatene når de utformer sin politikk, lovgivning og praksis». Særleg er det verd å merka seg bokstav e, som slår fast:

Framgangsmåter og aktiviteter i undervisning og læring bør følge og fremme verdier og prinssipper forbundet med folkestyre og menneske-

rettigheter; særlig bør styringen av læresteder, inkludert skoler, gjenspeile og fremme menneskerettighetsverdier og fremme myndiggjøring og aktiv deltagelse hos elever, undervisningspersonale og andre aktører, inkludert forldre.

I tillegg seier punkt 8 om demokratisk styring:

Medlemsstatene bør fremme demokratisk styring på alle læresteder, både som en ønskelig og fordelaktig styringsmetode i seg selv og som en praktisk måte å lære om og erfare folkestyre og respekt for menneskerettigheter. Medlemsstatene bør på en hensiktsmessig måte oppmuntre og legge til rette for at elever, undervisningspersonale og andre aktører, inkludert foreldre, aktivt deltar i styringen av læresteder.

#### **22.2.2 Opplæringslova og forskrift til opplæringslova**

Opplæringslova inneholder nærmere reglar om det kollektive samarbeidet mellom elevane, foreldra og skolen. I opplæringslova kapittel 11 er det gitt reglar om at det skal etablerast råd og utval som skal sikre elevar, foreldre og tilsette innverknad på avgjelder som gjeld skolen. Dette er mellom anna elevråd, foreldreråd, samarbeidsutval/skoleutval og skolemiljøutval. Organa er rådgivande. Paragrafane i kapittel 11 inneholder nærmere reglar om samansetninga og oppgåvene til organa. Det er til dømes i § 11-2 stilt nærmere krav til elevrådsverksemda i grunnskolen, mellom anna at ein medlem av undervisningspersonalet på skolen skal ha som oppgåve å hjelpe elevane i arbeidet med elevrådet. I § 11-6 er det gitt nærmere reglar om elevråd og allmøte ved vidaregående skolar. Det er mellom anna krav om at det skal vere eit elevråd med minst éin medlem for kvar tjuande elev. I vidaregående opplæring er det ikkje krav om at det skal etablerast råd eller utval som skal sikre foreldresamarbeid.

Kommunen kan delegera styringsoppgåver til samarbeidsutvalet ved grunnskolar, jf. opplæringslova § 11-1 tredje ledd. Kommunen kan også utnemne samarbeidsutvalet som styre for skolen i tråd med kommunelova § 5-10. Fylkeskommunen har tilsvarande høve til å utnemne skoleutvalet ved ein vidaregåande skole som styre for skolen.

Kommunen og fylkeskommunen kan ha fleire råd og utval enn det som er regulert i lova. Fleire kommunar har mellom anna etablert kommunale foreldreutval.

Ifølgje læreplanverket for Kunnskapsløftet kapittel 1.6 om demokrati og medverknad og kapittel 2.5.2 om demokrati og medborgarskap, skal skolen mellom anna gi elevane moglegheita til å medverke og til å lære kva demokrati vil seie i praksis.

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at skolane jamleg vurderer i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå måla som er fastsette i læreplanverket, jf. § 13-3 e andre ledd. Det er eit krav at elevane blir involverte i denne vurderinga.

I forskrift til opplæringslova § 1-4 a er det regulert at elevar skal ha moglegheit og tid til å arbeide med saker knytte til elevdemokrati og medverknad i opplæringa. Arbeidet må vere godkjent av skolen.

## 22.3 Høyningsforslaget

Departementet foreslo

- å lovfeste at kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at elevane og foreldra får vere med på å planlegge, gjennomføre og vurdere verksemda til skolen, mellom anna arbeidet med kvalitetsutvikling av opplæringa, skolemiljøet og å fastsetje skoledemokratiet
- å lovfeste at skolen skal legge til rette for at alle elevane skal kunne ytre seg, at skolen skal oppmuntre dei til å delta i skoledemokratiet, og at skolen skal hjelpe elevane i arbeidet med skoledemokratiet
- å vidareføre at grunnskolar skal ha eit samarbeidsutval, eit skolemiljøutval og eit foreldreråd, men å lovfeste at kommunen i staden kan velje å ha andre brukarorgan
- å vidareføre at vidaregåande skolar skal ha eit skoleutval og eit skolemiljøutval, men å lovfeste at fylkeskommunen i staden kan velje å ha andre brukarorgan
- å vidareføre at grunnskolar og vidaregåande skolar skal ha eit elevråd som er valt av elevane ved skolen, men å lovfeste at elevane kan velje å organisere seg på ein annan måte
- å ikkje vidareføre lovreglane om samansettninga og oppgåvene til utvala og råda og om samansettninga av styre for skolen oppretta etter kommunelova §§ 5-10 og 10-8, men å lovfeste at departementet kan gi forskrift om dette

Med dette høyningsforslaget følgde departementet delvis opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 19. Forslaga om reguleringa av bestemte brukarorgan skilde seg frå for-

slaget til opplæringslovutvalet om å ikkje vidareføre dagens reglar om organiseringa av skoledemokratiet (krav til brukarorgan).

## 22.4 Høyningsinstansanes syn

### 22.4.1 Regulere skoledemokratiet for elevane og foreldra

*Ein overordna regel om skoledemokratiet for elevane og foreldra*

Forslaget om ein overordna regel om skoledemokratiet får stor støtte i høyringa. Det er om lag 40 høyningsinstansar som har uttalt seg, og forslaget blir støtta av eit klart fleirtal. Blant desse er *Barneombodet, Utdanningsdirektoratet, FUG, Statsforvaltaren i Oslo og Viken, Statsforvaltaren i Rogaland, Viken fylkeskommune, Bergen kommune, Stavanger kommune, Nannestad kommune, Forandringsfabrikken, KS og Utdanningsforbundet*. Blant dei som ikkje støttar forslaget heilt eller delvis, er *Rogaland fylkeskommune og Oppvekstombudet i Agder. Rogaland fylkeskommune* uttaler at foreldre-demokratiet i vidaregåande opplæring bør gjerast mindre omfattande, og viser til at vidaregåande opplæring skal vere studie- eller yrkesførebuande og skal sjølvstendiggjere elevane. *Oppvekstombudet i Agder* uttaler at reglane om skoledemokratiet bør gjere tydeleg hensikt, organisering og ansvar, og meiner at lovforslaget går i motsett retning.

*Barneombodet* støttar at det kjem tydeleg fram at elevane og foreldra skal få medverke. Ombodet erfarer at elevar ofte ikkje får medverke i korleis opplæringa skal drivast, og meiner det er viktig at det i lova blir presisert at elevar og foreldre også har ei rolle i kvalitetsutviklinga i skolen.

*Bergen kommune* støttar forslaget, men meiner at uttrykka planlegge, gjennomføre og vurdere har eit uklart innhald. *Statsforvaltaren i Oslo og Viken, Viken fylkeskommune og Nannestad kommune* meiner forslaget er tydeleg nok på at elevar og foreldre skal få delta og medverka.

*Unge funksjonshemmede* uttaler at det er positivt med ein samla paragraf om skoledemokrati, men peikar på at elevar med funksjonsnedsetjingar og kronisk sjukdom er blant elevgruppene som ofte ikkje får stemma si høyrte i kollektive medverknadsprosessar. *Unge funksjonshemmede* foreslår å gjere tydeleg at retten til medverknad gjeld uavhengig av alder, kjønn, etnisitet, funksjonsnivå eller sosial bakgrunn.

*Utdanningsforbundet* støttar forslaget om ein paragraf om skoledemokratiet, men meiner det må komme tydeleg fram av regelverket kva det

inneber at kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at elevane og foreldre får medverke, for å unngå store forskjellar i tolkingar. *Utdanningsforbundet* viser også til at ei presisering av korleis involveringa skal gå føre seg, vil vere klargjerande for å unngå at retten til medverknad blir forveksla med formell styring.

*Forandringsfabrikken* meiner det må komme tydelegare fram av lovteksten at skolen må jobbe aktivt for å skape eit trygt miljø der alle elevane kan ytre seg og delta i skoledemokratiet på ulike måtar, og ikkje berre gjennom elevrepresentantane i brukarorgana.

*Redd Barna* støttar delvis forslaget, men meiner elevdemokrati og foreldremedverknad bør skiljast i ulike paragrafar. Også *Herøy kommune* meiner at elevar og foreldre bør ha sjølvstendige rettar til brukarmedverknad, og at desse bør skiljast i ulike paragrafar.

*Plikta skolen har til å leggje til rette for at alle elevane skal kunne ytre seg, oppmuntre til deltaking og hjelpe elevane i arbeidet med skoledemokratiet*

Alle dei om lag 40 høyringsinstansane som har uttalt seg om forslaget om å lovfeste at skolen skal leggje til rette for at alle elevane skal kunne ytre seg, og hjelpe elevane i arbeidet med skoledemokratiet, støttar forslaget heilt eller delvis. *Barneombodet* ber samtidig departementet vurdere tydelegare føringar, mellom anna om det bør stå i lova at skolen skal ha ein medverknadskontakt med ansvar for å følgje opp arbeidet med medverknad. *Barneombodet* viser til at mangel på rettleiing, tid, møtepunkt og skoleleiing kan bidra til at elevane får liten reell medverknad.

*Utdanningsforbundet* meiner at bistand i arbeidet med elevdemokratiet er ei oppgåve for undervisningspersonalet. *FUG* støttar forslaget, men meiner at skolen også bør ha plikt til å leggje til rette for og hjelpe foreldra. *Oppvekstombudet i Agder* set spørjeteikn ved korleis skolen i praksis skal kunne leggje til rette for at alle elevane skal kunne ytre seg.

## 22.4.2 Organ for brukarmedverknad (brukarorgan)

### Regulering av brukarorgan

Totalt har om lag 40 høyringsinstansar uttalt seg om forslaga om å vidareføre dagens foreldreråd og ulike utval med elevar og foreldre i grunnskolen og i vidaregåande skole, lovfeste at kommunen og fylkeskommunen kan velje å ha andre bru-

karorgan, og forslaget om å ikkje vidareføre dagens paragrafar om samansetninga og oppgåvane til brukarorgana, men lovfeste at departementet kan gi forskrift om dette. Forslaga blir heilt eller delvis støttå av eit fleirtal av høyringsinstansane som har uttalt seg til desse forslaga. Blant desse er *Barneombodet, Statsforvaltaren i Innlandet, Statsforvaltaren i Oslo og Viken, Elevorganisasjonen* og ei rekke kommunar og fylkeskommunar. Enkelte høyringsinstansar støttar ikkje forslaget om organiseringa av skoledemokratiet i sin heilskap. Blant dei er *Utdanningsdirektoratet, Lunner kommune, Nord-Aurdal kommune, Røros kommune, Våler kommune, Åsnes kommune* og *KS*.

*Barneombodet* støttar ein hovudregel om bestemte brukarorgan, men spør om det bør stila last strengare krav til medverknad slik at elevane og foreldra må vere samde i ei anna organisering. *Barneombodet* påpeikar vidare at det er behov for ein gjennomgang av verkeområdet og funksjonen til dei ulike brukarorgana, ettersom fleire av organa har oppgåver som overlappar. Også enkelte kommunar, blant dei *Ringebu kommune, Røros kommune* og *Porsgrunn kommune*, har utsegner om at fleire av dagens brukarorgan overlappar kvarandre, mellom anna samarbeidsutval/skoleutval og skolemiljøutval.

*Stavanger kommune* støttar forslaget om å vidareføre ein hovudregel om bestemte brukarorgan. Denne kommunen viser til at det kan bli store variasjonar mellom skolane dersom den enkelte kommunen skal avgjere korleis dei vil organisere retten foreldre og elevar har til brukarmedverknad. *Troms og Finnmark fylkeskommune* støttar større valfridom i organiseringa og viser til at det kan auke interessa og motivasjonen elevane har for å delta. *Larvik kommune* støttar at kommunen og fylkeskommunen kan velje å ha andre brukarorgan.

*Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG)* viser til at ein klar grunnstruktur vil skape klare og oversiktlege linjer, gi føreseielege vilkår for og engasjement hos foreldre og klargjere kva ansvaret til skolen inneber. *FUG* er samtidig skeptisk til at det skal vere heilt opp til kommunen og fylkeskommunen å velje andre brukarorgan. *FUG* viser også til at strukturen for foreldreråd og elevråd i større grad bør gjerast like ved at råda skal omfatte alle foreldre og elevar, og velje eiga organisering.

*Utdanningsforbundet* støttar å vidareføre dagens etablerte råd og utval i grunnskolen og i vidaregåande skole, men støttar ikkje å opne for at kommunen og fylkeskommunen kan vurdere kva

brukarorgan som fungerer best på skolane sine. *Utdanningsforbundet* meiner at stabile utval og rådsstrukturar er viktig for at ordningane skal vere oversiktlege og føreseielege.

Dei fleste høyningsinstansane som har uttalt seg, blant dei *Statsforvaltaren i Innlandet, Viken fylkeskommune* og *fleire kommunar*, mellom anna *Oslo*, støttar å ikkje vidareføre dagens paragrafer om samansetninga og oppgåvene til brukarorgana, men å lovfeste at departementet kan gi forskrift om dette. Fleire høyningsinstansar påpeikar viktigheita av å regulere dette i forskrift og viser mellom anna til at det er til god støtte for skolane, og at det sørger for lik praksis nasjonalt.

*KS* og fleire kommunar meiner det bør vere opp til kommunen og fylkeskommunen å fastsetje organiseringa av skoledemokratiet, i tråd med forslaget frå opplæringslovutvalet. *KS* viser til at lovregulering av organiseringa av skoledemokratiet er unødvendig i lys av nærlieks- og proporsjonalitetsprinsippet i kommunelova § 2-2.

*Utdanningsdirektoratet* uttaler at forslaget til organisering av skoledemokratiet er uheldig ved at det både blir stilt krav til bestemte brukarorgan og lagt opp til frivillighet. Direktoratet skriv:

Slik forslaget i § 10-5 om organisering av skoledemokratiet nå er utformet er det både krav til ulike organer og i tillegg frivillig å velge annen organisering. Vi mener det er uheldig både regelteknisk og i praksis med en kombinasjon mellom krav og frivillighet. Etter *Utdanningsdirektoratets* syn bør det enten være frivillig hvordan skoledemokratiet organiseres og at det er klart hvor en slik organisering fastsettes, for eksempel i lokale forskrifter om skolereglene, eller det bør være fastsatt krav om ulike brukerorgan.

Vi viser til at det nå fremstår som om kommunen kan organisere seg bort fra å ha et foreldreråd, selv om foreldrerådet består av alle foreldre og ikke er et valgt organ.

Direktoratet uttaler vidare at å stille nærmere krav i forskrift til samansetninga av organ som kommunen og fylkeskommunen ikkje må ha, kan gi unødvendige og konstruerte forskriftsreglar.

*Fredrikstad kommune* uttaler at det i forslaget blir lagt opp til to modellar for organiseringa, og meiner det bør vere opp til kommunen og fylkeskommunen å velje ei organisering som oppfyller krava i forslaget til § 10-4. Denne kommunen viser samtidig til at det bør stillast nokre minstekrav til kva roller og oppgåver dei ulike råda og utvala bør ha, anten i forarbeida eller i forskrift.

#### *Elevråd eller anna organisering av elevdemokratiet*

Om lag 60 høyningsinstansar har uttalt seg om forslaget om ein hovudregel om elevråd i grunnskolar og i vidaregåande skolar, men at elevane kan velje anna organisering. Det er særleg stor støtte for å vidareføre at skolane som hovudregel skal ha eit elevråd. Høyningsinstansane er noko delte i synet på forslaget om å opne for anna organisering, men forslaget blir støtta av eit fleirtal. Blant dei som støttar forslaget fullt ut, er *Barneombodet, Statsforvaltaren i Oslo og Viken, Vestfold og Telemark fylkeskommune*, ei rekke kommunar, *Skolelederforbundet* og *Norsk Lektorlag*.

*Barneombodet* støttar forslaget om at skolane som hovudregel skal ha eit elevråd, og at elevane kan velje ei anna organisering. *Barneombodet* påpeikar samtidig at elevdemokratiet mange stader fungerer dårlig, og at lova bør stille nokre minstekrav om struktur.

*Ullensaker kommune* støttar forslaget og uttaler at moglegheita elevane har til å vere med å diskutere organiseringa av eige demokrati, er verdi full og i større grad kan bidra til at demokratiet blir opplevd positivt for elevane. *Senja kommune* støttar forslaget om å opne for alternativ organisering og viser til at fleire av skolane i kommunen har få elevar der elevrådet kan erstattast med eit skolemøte eller allmøte. *Drammen kommune* støttar også forslaget og uttaler at det er positivt at fleire elevar kan delta i elevrådet og vere med i dei demokratiske diskusjonane.

*Ungdommens fylkesråd i Viken* støttar forslaget om elevråd og er positive til at elevane kan velje å organisere seg på annan måte. Fylkesrådet viser til at elevråda i dag på store skolar kan ha fleire titals representantar, og at andre former for organisering kan gjere arbeidet meir effektivt og styrke elevmedverknaden. Fylkesrådet uttaler samtidig at det bør stillast nokre minimumskrav til den alternative organiseringa, mellom anna krav om eit demokratisk elevvedtak, til dømes på eit allmøte, og krav om eit fleirtal på to tredelar.

*UNICEF Norge* støttar forslaget om elevråd, men påpeikar samtidig at det må spesifiserast i forarbeida at alle elevar må sikrast høvet til å delta, og at dette også kan gjerast gjennom klasseråd og gjeninnføring av klassetimen.

*Utdanningsforbundet* støttar å vidareføre eit krav om elevråd, men støttar ikkje å opne for at elevane kan velje ei alternativ organisering. *Utdanningsforbundet* uttaler at elevråda sikrar at skolen har eit system for korleis elevane kan bidra i skoledemokratiet, og at det innanfor dette kan jobbast med å sikre større fleksibilitet i organise-

ringa. *Utdanningsforbundet* uttaler vidare at det bør tenkjast nytt innanfor eksisterande rammer, framfor å opne for alternativ organisering, for å unngå at elevdemokratiet blir prioritert bort eller blir for ulikt mellom skolar. *Nordland fylkeskommune* støttar å vidareføre elevråd, men er også kritisk til at elevane kan velje ei anna organisering utan at det blir foreslått nærmere retningslinjer for organiseringa.

*Forandringsfabrikken* viser til at elevrådet er ein viktig del av det norske skoledemokratiet i dag, men at mange elevar peikar på utfordringar med elevrådet. *Forandringsfabrikken* uttaler at fleire elevar opplever at saker elevrådet fremjar, ikkje er baserte på det fleire av elevane i klassen meiner, og at mange elevar derfor ikkje får delta i skoledemokratiet. *Forandringsfabrikken* meiner at elevdemokratiet bør lovfestast på annan måte.

*Funksjonshemmedes fellesorganisasjon* støttar forslaget om elevråd, men meiner retten funksjonshemma barn har til å bli høyrde, ikkje er tilstrekkeleg vareteken med forslaget.

*Utdanningsforbundet* og *Sentralt ungdomsråd i Oslo (SUR)* er blant dei som påpeikar at det framleis bør vere eit krav i lova at ein medlem av undervisningspersonalet skal hjelpe elevrådet i arbeidet, fordi elevrådsarbeidet er avhengig av god oppfølging frå skolen.

## 22.5 Departementets vurdering

### 22.5.1 Regulere skoledemokratiet for elevane og foreldra

*Ein overordna regel om skoledemokratiet for elevane og foreldra*

Departementet foreslår å lovfeste at skolen skal sørge for at elevane og foreldra får vere med på å planleggje, gjennomføre og vurdere verksemda til skolen. Ein slik regel vil speglar av forpliktingane i Grunnlova på ein tydeleg måte, samtidig som ho introduserer verdiane og prinsippa i den overordna delen av læreplanverket. Forslaget har fått stor støtte i høyringa.

Dei siste åra har medverknad fått ein større plass i skolane, mellom anna gjennom arbeidet fram mot nye læreplanar for Kunnskapsløftet 2020. Departementet meiner at denne utviklinga bør speglast av tydeleg i lova, og foreslår at arbeidet med skolemiljøet, kvalitetsutvikling av opplæringa og fastsetjing av skoleregler skal komme fram direkte av ordlyden i paragrafen. På den måten blir det tydeleg at kravet til skoledemokra-

tiet også omfattar arbeidet med kvalitetsutvikling på den enkelte skolen. Ettersom retten til å medverke omfattar heile skoleverksemda, skal elevane og foreldra også få vere med på å planleggje, gjennomføre og vurdere organiseringa av skoledemokratiet. Departementet legg til grunn at organiseringa av skoledemokratiet er eit tema elevane og foreldra vil engasjere seg i, og at slike diskusjonar vil bidra til eit velfungerande skoledemokrati.

Ut over krava som blir stilte til organiseringa av skoledemokratiet i forslaget til § 10-5, vil det vere opp til kvar enkelt kommune og fylkeskommune, eller dei enkelte skolane dersom dei får delegert mynde, korleis medverknaden skal gå føre seg i praksis i samsvar med krava som blir stilte i forslaget til § 10-4.

*Redd Barna* er blant dei som uttaler i høyringa at paragrafen om skoledemokratiet berre bør omfatte elevdemokratiet, og at retten foreldra har til å medverke, bør komme fram av paragrafen om samarbeidet mellom skolen og foreldra om opplæringa til den enkelte eleven. Departementet er ikkje samd i dette. Alle foreldre må samarbeide om opplæringa til sitt eige barn, medan ikkje alle ønskjer eller har moglegheit til å delta i det kollektive foreldresamarbeidet. Vidare bør skoledemokratiet leggje til rette for brei deltaking og medverknad frå både elevar og foreldre, slik at dei får innverknad på avgjerder som gjeld skolen. Dette vil ofte vere felles prosessar og diskusjonar der både elevar og foreldre deltek. Departementet foreslår derfor, som i høyringa, at det skal vere ein felles paragraf om skoledemokrati som skal gjelde for både elevane og foreldra.

Opplæringslovutvalet foreslo å lovfeste i paragrafen at elevane og foreldra skal få delta i styringa av skolen. KS problematiserte i høyringssvaret sitt til NOU 2019: 23 kva som ligg i «styring». I utgangspunktet er all kommunal og fylkeskommunal styresmakt lagd til kommunestyre og fylkesting. I den grad andre organ i kommunen eller fylkeskommunen skal delta i formell styring av skolen, er dette ifølgje KS avhengig av at kommunestyret eller fylkestinget har oppretta eigna organ og delegert mynde til å ta avgjerder til desse. KS meinte det var viktig å presisere dette, slik at ein ikkje skaper forventningar om at elevar og foreldre skal ta del i formell styring av skolen. I dagens lov er samarbeidsutval og skoleutval rådgivande organ for rektor, med mindre dei har fått delegert mynde frå kommunestyret eller fylkestinget. Departementet forstår ikke forslaget frå opplæringslovutvalet slik at elevane og foreldra skal delta i den formelle styringa av skolen, men

at dei skal få delta og medverke og dermed få moglegheita til å påverke utviklinga av skolen. Dette meiner departementet er dekt av regelen om at elevane og foreldra skal få vere med på å planleggje, gjennomføre og vurdere verksemda til skolen. Departementet foreslår derfor ikkje å lovfeste at elevane og foreldra skal få delta i styringa av skolen.

Elevane skal ikkje delta i behandlinga av saker som er omfatta av lovfesta teieplikt, sjá forslaget til § 10-4 første ledd andre punktum.

*Plikta skolen har til å leggje til rette for at alle elevane skal kunne ytre seg, oppmuntre til deltaking og hjelpe elevane i arbeidet med skoledemokratiet*

Høyringsinstansane som har uttalt seg om det, støttar forslaget om å lovfeste at skolen skal leggje til rette for og oppmunstre til at alle elevane ytrar seg og deltek i skoledemokratiet. Departementet viser til at godt elevdemokrati ikkje kjem på plass av seg sjølv. Elevane treng opplæring i korleis dei kan drive elevdemokrati, og dei treng å få rettleiring og støtte i arbeidet. Skolen må leggje til rette for at alle elevar skal kunne ytre seg og delta i skoledemokratiet, uavhengig av alder, kjønn, etnisitet, funksjonsnivå og sosial bakgrunn.

Departementet meiner skolane framleis bør ha ei klar plikt om å hjelpe elevane i arbeidet med skoledemokratiet, og foreslår, som i høyringa, å lovfeste dette i den nye lova. Eit slikt krav er viktig for å få flest mogleg til å engasjere seg i skoledemokratiet, i staden for at det utviklar seg til eit skoledemokrati for dei få.

Til FUGs høyringsinnspel om at regelen også bør omfatte foreldra, viser departementet til at det særleg er elevane som har behov for støtte i arbeidet med elevdemokratiet, og at kommunen og fylkeskommunen derfor bør ha ei lovfesta plikt til å hjelpe elevane med dette arbeidet. Dei same omsyna gjer seg ikkje gjeldande overfor foreldra. Departementet understrekar at spørsmålet må sjåast i lys av plikta til å sørge for at foreldra får medverke innanfor rammene av forslaget til §§ 10-4 første ledd og 10-5.

Departementet har vurdert *Barneombodets* høyringsinnspel om det bør stå i lova at skolen skal ha ein medverknadskontakt med ansvar for å følgje opp arbeidet med medverknad. Departementet meiner at ei ordning med ein medverknadskontakt er eit døme på korleis skolen kan leggje til rette for eit godt skoledemokrati, oppmunstre til deltaking og støtte elevdemokratiet i arbeidet. Departementet meiner samtidig at skolane kan hjelpe elevane på fleire måtar, og at sko-

lane sjølv bør bestemme korleis dei vil leggje til rette for eit godt skoledemokrati.

## 22.5.2 Organ for brukarmedverknad (brukarorgan)

*Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at det blir fastsett kva brukarorgan skolane skal ha*

Departementet er samd med opplæringslovutvalet i at ei detaljert regulering av kva brukarorgan skolane skal ha, og samansetninga av desse, kan stå i vegen for å velje dei løysingane som fungerer best på dei enkelte skolane. Slik departementet ser det, er det derfor tenleg å opne for fleksibilitet i organiseringa av skoledemokratiet.

Departementet merkar seg at mange høyringsinstansar ønskjer eit lovkrav om bestemte brukarorgan som ein hovudregel. Det er også mange høyringsinstansar som støttar at kommunen og fylkeskommunen samtidig kan velje å ha ei anna organisering. Departementet er samd med mellom anna *Utdanningsdirektoratet* i at det ikkje er tenleg med ei lovregulering som både stiller krav til kommunen og fylkeskommunen om å ha bestemte brukarorgan, samtidig som dei kan velje ei anna organisering. Det er avgrensingar i den kommunale og fylkeskommunale handlefridommen som krev heimel i lov, og det å stille nærmare krav i lova som kommunen og fylkeskommunen kan fråvike, kan gi reglar som vil vere vanskelege å bruke i praksis. Departementet foreslår derfor endringar i reguleringa av brukarorgan i lova, samanlikna med høyringa. Forslaget her omfattar ikkje elevråd, som er nærmare omtalt under.

Departementet er samd med høyringsinstansane i at det er viktig med ei viss formalisert og etablert organisering av skoledemokratiet. Dette vil vere med på å sikre retten til elevane og foreldra om å få vere med å planleggje, gjennomføre og vurdere verksemda til skolen, jf. forslaget til § 10-4. Framfor å framheve bestemte brukarorgan i lova som kommunen og fylkeskommunen som hovudregel skal ha, foreslår departementet å lovfeste at kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at det blir fastsett kva brukarorgan skolane skal ha. Dette inneber at det blir opp til den enkelte kommunen og fylkeskommunen, og eventuelt den enkelte skolen dersom han har fått delegeret mynde til å ta avgjerder, å vurdere kva organ skolane skal ha. Departementet meiner at å gjere det mogleg å påverke korleis skoledemokratiet skal vere organisert, kan gi auka engasjement frå både elevar og foreldre. Forslaget erstattar regule-

ringa av dagens foreldreråd, samarbeidsutval/skoleutval mv.

Kommunen og fylkeskommunen kan velje å vidareføre brukarorgana dei har i dag, eller velje andre organ dei opplever at fungerer best lokalt. Forslaget gir lokalt handlingsrom og tek omsyn til forskellar i kommune- og skolestorleik. Forslaget sikrar meir fleksibilitet, samtidig som det gir ei ramme rundt engasjementet til elevane og foreldra og moglegheita dei har til innverknad. Dette harmonerer med retningslinjene for statleg styring av kommunar og fylkeskommunar.

Når det gjeld krav til representativitet i brukarorgana, foreslår departementet å lovfeste at elevar og foreldre skal vere representerte i organ ved grunnskolar, medan elevane skal vere representerte i organ ved vidaregåande skolar. Foreldra skal dermed fortsatt vere representerte i organ ved grunnskolar. Representantar for elevane i vidaregåande opplæring skal ha møte- og talerett i fylkeskommunale nemnder på same måten som tilsette har etter kommunelova § 13-4, sjá forslaget til § 10-5 andre ledd.

Departementet vurderer det ikkje som tenleg å stille nærmere krav til samansettninga av og oppgåvane til brukarorganana i forskrift. Kommunane og fylkeskommunane sjølv, eller dei enkelte skolane, er nærmast til å vurdere samansettninga og oppgåvane til brukarorganana dei vel å ha. Dei nærmare reglane om organiseringa av skoledemokratiet skal fastsetjast i lokale forskrifter om skoleregular, sjá forslaget til § 10-7.

Som følgje av at departementet ikkje foreslår å regulere bestemte brukarorgan, foreslår departementet ikkje å vidareføre reguleringa om samansettninga av styre for skolen oppretta etter kommunelova §§ 5-10 og 10-8. Departementet vil vise til at kommunen og fylkeskommunen fortsatt kan velje å oppnevne organ som styre for skolen i tråd med dei nevnte reglane i kommunelova.

#### *Særleg om elevråd eller anna organisering av elevdemokratiet*

Departementet foreslår, som i høyringa, å vidareføre at kvar grunnskole og vidaregåande skole som hovudregel skal ha eit elevråd, men å ta ut presiseringa frå dagens lov om at kravet berre gjeld for 5. til 10. trinn i grunnskolen. Forslaget er ei avgrensing i fridommen kommunen og fylkeskommunen har til å bestemme kva brukarorgan skolane skal ha. Departementet viser til at ordninga med elevråd er godt etablert og sikrar at skolen har eit system for korleis elevane kan bidra i skoledemokratiet. I tillegg støttar eit fleirtal av

høyringsinstansane at elevråd skal vere hovudregelen i den nye lova. Elevrådet skal veljast av elevane, sjá forslaget til § 10-5 første ledd.

Samtidig meiner departementet at den nye lova bør ta omsyn til at ordninga med elevråd ikkje alltid fungerer optimalt eller er den einaste måten å organisere elevdemokratiet godt på. Det har ein verdi i seg sjølv at elevane er med på å diskutere organiseringa av eige demokrati, og at elevane på den måten kan lære meir om demokrati. I høyringsmøtet med elevar fekk departementet innspel om at nokre elevar opplever elevrådsverksemda som fjern frå kvardagen sin, og at merksemda i større grad bør rettast mot den daglege medverknaden til elevane. Dette stemmer godt med innspela som opplæringslovutvalet fekk då dei involverte elevar undervegs i utgreiingsarbeidet, og høyringsinnspelet frå blant andre *Forandringsfabrikken*. Departementet ønskjer derfor å opne for at elevane kan organisere elevdemokratiet på ein annan måte enn ved tradisjonelle elevråd.

Forslaget om å opne for at elevane kan velje ei anna organisering, tek omsyn til ulike kommune- og skolestorleikar. Ved mindre skolar kan det til dømes vere aktuelt å erstatte elevrådet med eit allmøte. Departements forslag vil gi elevane fleire rettar enn dei har i dag, fordi dei, i tillegg til å ha rett til å ha eit elevråd, sjølv kan velje å organisere elevdemokratiet på ein annan måte. Elevane kan også ta i bruk andre former for medverknad i form av digitale røystingar, skolekvitring, digitale debattar og digitale ytringar. På denne måten kan fleire av elevane vere med i dei demokratiske diskusjonane.

Departementet merkar seg at enkelte høyringsinstansar ikkje støttar forslaget om å opne for anna organisering enn elevråd fordi det kan medføre at elevdemokratiet blir prioritert bort eller blir for ulikt mellom skolar. Departementet understrekar at skolane framleis som hovudregel skal ha eit elevråd. Eit eventuelt alternativ til elevråd må veljast av elevane og må takast stilling til kvart år. Departementet viser til at elevmassen og elevtrinna endrar seg kvart år. Korleis elevane ønskjer å organisere seg, kan derfor vere ein naturleg del av diskusjonen ved skolestart.

Departementet vil vidare vise til at kommunen og fylkeskommunen vil ha plikt til å sørge for at elevane får medverka i tråd med krava i § 10-4. Retten til å medverke går også fram av Grunnlova og læreplanverket. Kommunen og fylkeskommunen kan altså ikkje prioritere bort elevdemokratiet. I retten til å medverke ligg også ei plikt om å sikre at alle elevar får like moglegheiter til å delta,

uavhengig av alder, kjønn, etnisitet, funksjonsnivå eller sosial bakgrunn.

Departementet meiner det ikkje er nødvendig å stille nærmere krav til elevdemokratiet i lov eller forskrift. Elevrådet, eller den alternative organiseringa elevane vel å ha, er organ for elevane. Kva oppgåver organet skal ha, eller korleis det skal vere samansett, bør slik departementet vurderer dette, ikkje detaljregulerast i sentrale lov- eller forskriftsreglar. Det bør vere opp til den enkelte kommunen og fylkeskommunen å regulere dette nærmere i skolereglane, sjå punkt 34.1. Elevane skal få medverke i korleis elevrådet eller den alternative organiseringa skal vere samansett. Departementet viser også til at skolen skal ha ei plikt til å hjelpe elevane i arbeidet med elevdemokratiet, sjå forslaget til § 10-4 andre ledd.

## **22.6 Departementets forslag**

---

Departementet foreslår å

- lovfeste at skolen skal sørge for at elevane og foreldra får vere med på å planleggje, gjennom-

føre og vurdere verksemda til skolen, mellom anna arbeidet med skolemiljøet, kvalitetsutvikling av opplæringa og å fastsetje skoleregular, sjá forslaget til § 10-4 første ledd

- lovfeste at skolen skal leggje til rette for at alle elevane skal kunne ytre seg, at skolen skal oppmuntre dei til å delta i skoledemokratiet, og at skolen skal hjelpe elevane i arbeidet med skoledemokratiet, sjá forslaget til § 10-4 andre ledd
- vidareføre at grunnskolar og vidaregåande skolar skal ha eit elevråd som er valt av elevane ved skolen, men lovfeste at elevane kan velje å organisere seg på annan måte, sjá forslaget til § 10-5 første ledd første og andre punktum
- lovfeste at kommunar og fylkeskommunar skal sørge for at det blir fastsett kva brukarorgan skolane skal ha, sjá forslaget til § 10-5 første ledd tredje punktum
- ikkje vidareføre reglane om samansetninga og oppgåvene til utvala og råda og om samansetninga av styre for skolen oppretta etter kommunelova §§ 5-10 og 10-8

## 23 Samarbeid mellom skolen og andre velferdstenester

### 23.1 Innleiing

Dette punktet handlar om overgangen frå barnehagen til skolen og skolefritidsordninga og om samarbeid mellom skolen og andre velferdstenester. Vidare handlar det om opplysningsplikta til barnevernstenesta og plikta til å gi opplysningar til den kommunale helse- og omsorgstenesta og sosialtenesta.

### 23.2 Dagens reglar

#### 23.2.1 Overgang frå barnehagen til skolen og skolefritidsordninga

Skolen skal samarbeide med barnehagen om overgangen til barna frå barnehagen til skolen og skolefritidsordninga (SFO), jf. opplæringslova § 13-5. Det er presisert i paragrafen at formålet med samarbeidet er å bidra til at barna får ein trygg og god overgang.

Kommunen har hovudansvaret for samarbeidet og skal utarbeide ein plan for overgangen frå barnehage til skole og SFO, jf. opplæringslova § 13-5 andre ledd. Barnehagen er på si side pålagd å samarbeide med skolen og SFO om overgangen gjennom barnehagelova § 2 a.

#### 23.2.2 Samarbeid mellom velferdstenester

Nye reglar om plikta skolen, skolefritidsordninga (SFO) og pedagogisk-psykologisk teneste (PP-tenesta) har til å samarbeide med andre velferdstenester, tok til å gjelde 1. august 2022, sjå Prop. 100 L (2020–2021) *Endringer i velferdstjenestelovgivningen (samarbeid, samordning og barnekoordinator)*. Lovendringane innebar samtidige endringar i fleire velferdstenestelover og har som formål å styrke oppfølginga av utsette barn og unge og familiane deira gjennom auka samarbeid mellom velferdstenestene.

Skolen, SFO og PP-tenesta skal samarbeide med andre tenesteytarar dersom samarbeid er nødvendig for å gi eleven eit heilskapleg og samordna tenestetilbod, jf. opplæringslova § 15-8 første ledd første punktum. Dersom eleven har indi-

viduell plan etter anna lov og forskrift, skal skolen, SFO og PP-tenesta delta i samarbeid om utarbeiding og oppfølging av tiltak og mål i den individuelle planen, jf. opplæringslova § 15-8 første ledd andre punktum.

Kommunen skal samordne tenestetilbodet til eleven, jf. opplæringslova § 15-8 andre ledd. Ved behov skal kommunen bestemme kva for ein kommunal tenesteytar som skal vareta samordninga. Dersom det er utnemnt barnekoordinator etter helse- og omsorgstenestelova § 7-2 a, skal koordinatoren sørge for samordning av tenestetilbodet.

Skolen, SFO og PP-tenesta skal, i tillegg til å følgje opp enkeltelevar, samarbeide med andre tenesteytarar slik at skolen, SFO, PP-tenesta og dei andre tenesteytarane kan vareta oppgåvene sine etter lov og forskrift, jf. opplæringslova § 15-8 tredje ledd.

Tilsvarande reglar for vaksenopplæringa finst i opplæringslova § 4A-14.

#### 23.2.3 Opplysningsplikt til barnevernet

Reglane om opplysningsplikt til barnevernet vart endra og vedtekne av Stortinget 11. juni 2021, jf. lovvedtak 143 (2020–2021) og Prop. 100 L (2020–2021) *Endringer i velferdstjenestelovgivningen (samarbeid, samordning og barnekoordinator)*. Lovendringane tok til å gjelde 1. august 2022.

Alle som utfører tenester eller arbeid etter opplæringslova, skal i arbeidet sitt vere merksame på forhold som kan føre til tiltak frå barnevernstenesta, jf. opplæringslova § 15-3 første ledd. Vidare har alle som utfører tenester eller arbeid etter lova, plikt til å gi opplysningar til barnevernstenesta etter nærmere bestemte vilkår, jf. opplæringslova § 15-3 andre ledd. Vidare har alle som utfører tenester eller arbeid etter lova, ei plikt til å gi opplysningar etter pålegg frå barnevernstenesta eller andre barnevernstypesmakter, jf. opplæringslova § 15-3 tredje ledd. Plikta til å melde frå til den kommunale barnevernstenesta er eit sjølvstendig og personleg ansvar. Opplysningsplikta til barnevernet går føre lovfesta teieplikt.

### 23.2.4 Plikt til å gi opplysningar til den kommunale helse- og omsorgstenesta og sosialtenesta

Reglane om opplysningsplikt til den kommunale helse- og omsorgstenesta- og sosialtenesta vart endra og vedtekne av Stortinget 11. juni 2021, jf. lovvedtak 143 (2020–2021) og Prop. 100 L (2020–2021) *Endringer i velferdstjenestelovgivningen (samarbeid, samordning og barnekoordinator)*. Lovendringane tok til å gjelde 1. august 2022.

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at alle som utfører tenester eller arbeid etter opplæringslova, er merksame på forhold som kan føre til tiltak frå sosialtenesta eller helse- og omsorgstenesta, jf. opplæringslova § 15-4 første ledd første punktum. Vidare skal kommunen og fylkeskommunen sørge for at dei av eige tiltak gir sosialtenesta eller helse- og omsorgstenesta opplysningar om slike forhold, jf. opplæringslova § 15-4 første ledd andre punktum. Opplysningane kan likevel berre givast etter samtykke frå eleven eller foreldra til eleven, eller så langt opplysningane elles kan givast utan hinder av teieplikta.

## 23.3 Høyringsforslaget

Departementet foreslo

- å vidareføre at kommunen skal sørge for at barna får ein trygg og god overgang frå barnehagen til skolen og skolefritidsordninga, og å ikkje vidareføre kravet om at skoleeigar skal utarbeide ein plan for overgangen
- å vidareføre reglane om samarbeid med andre velferdstenester og samordningsplikta til kommunen
- å vidareføre reglane om plikt til å vere merksam på forhold som kan føre til tiltak frå barneværnstenesta og om opplysningsplikt til barneværnstenesta
- å vidareføre reglane om plikt til å vere merksam på forhold som kan føre til tiltak frå sosialtenesta og om plikt til å gi opplysningar til sosialtenesta, og å utvide desse reglane til å omfatte den kommunale helse- og omsorgstenesta

Med dette høyringsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 44.2.4 og følgde delvis opp forslaget i kapittel 44.3.4. Departementet følgde ikkje opp forslaget frå utvalet om å utarbeide ei eiga lov eller forskrift om samarbeid basert på skissa frå dei fem direktorata i 0–24-samarbeidet.

## 23.4 Høyringsinstansanes syn

### 23.4.1 Overgang frå barnehagen til skolen og skolefritidsordninga

34 høyringsinstansar har uttalt seg om forslaget om at kommunen skal sørge for at barna får ein trygg og god overgang frå barnehagen til skolen og skolefritidsordninga (SFO). Alle høyringsinstansane som har uttalt seg, støttar ei vidareføring av plikta kommunen har til å sørge for at barna får ein trygg og god overgang frå barnehagen til skolen og SFO.

Ein del av høyringsinstansane støttar forslaget delvis og har innspel til utforminga av paragrafen. 17 høyringsinstansar, mellom anna *Statped*, *Barneombodet*, *Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO)*, *Handikappede barns foreldreforeining*, *Hørselshemmedes landsforbund*, *Private barnehagers landsforbund (PBL)*, *Foreldreutvalget for grunnskolen (FUG)* og *Foreldreutvalget for barnehagen (FUB)*, meiner det bør stillast krav om ein plan for overgangen frå barnehagen til skolen og SFO, slik som etter dagens reglar.

Nokre høyringsinstansar støttar departementets forslag utan å gå nærmare inn i at kravet til plan er fjerna. Det gjeld til dømes *Oslo kommune*, som uttaler at dei støttar forslaget i høyringa og grunn-givinga for det.

Fleire av dei som har uttalt seg, meiner at forslaget til formulering er mindre forpliktande enn dagens lovparagraf, og meiner at handlingsfri-dommen til kommunane er prioritert framfor omsynet til det beste for barnet.

*Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO)* meiner at lovreguleringa av plikta til å utarbeide ein plan for overgang frå barnehage til skole var eit viktig gjennombrot, og eit døme for etterfølging ved andre overgangar. Å fjerne kravet om plan er ikkje til det beste for barnet, meiner FFO.

*Utdanningsforbundet* ønskjer også ei vidareføring av kravet om plan:

Vi er også klart uenig med departementet om at formuleringen «Kommunen skal sørge for ...» innebærer «et tydelig pålegg til kommunen». Utdanningsforbundet mener departementet bør være lydhør for at to tredjedeler av høyringsinstansene til NOU 2019:23 ønsket å videreføre kravet om å utarbeide en plan for overgangen. Denne tilbakemeldingen uttrykker en klar bekymring for at kommunens ansvar for overgangen vil bli svekket ved en slik lovendring.

Utdanningsforbundet mener departementets henvisning til det generelle internkontrollkravet i kommuneloven ikke er en tilstrekkelig sikring av ansvaret for overgangen fra barnehage til skole og SFO. Forslaget om å fjerne plikten til å utarbeide en plan for overgangen er ikke begrunnet verken i planens funksjon eller praktiseringen av kravet. Vi minner ellers om at plikten har vært lovbestemt i kort tid og at det derfor ikke ligger noe erfarsingsgrunnlag bak forslaget om å fjerne en slik plikt.

*Statped* har erfaring med at det er store variasjoner i korleis kommunar varetek denne overgangen. *Statped* meiner dette kan påverke moglegitene elevar har til å få eit likeverdig opplæringstilbod, og at det utfordrar prinsippet om at det er vurderinga om kva som er det beste for eleven som skal liggje til grunn. Den statlege støttetesta meiner at ein plan kan bidra til å sikre både god og nødvendig overføring av kunnskap mellom barnehage og skole.

*Barneombodet* har innspel til vurderinga til departementet av at sørge for plikta, saman med internkontrollkravet i kommunelova § 25-1, vil vere tilstrekkeleg for å sikre at kommunane oppfyller kravet til samarbeid. Ombodet er bekymra for om kommunane har den nødvendige kompetansen til å sjå samanhengen mellom forslaget og kommunelova § 25-1. Ombodet meiner det framleis bør lovfestast eit krav om at kommunen skal ha ein plan for overgangen, og understrekar at dersom det ikkje skal lovfestast eit krav til ein plan, er det avgjerande at departementet sørger for at det blir gitt god rettleiing til kommunane.

*Foreldreutvalget for grunnskoleopplæringen (FUG)* poengterer også behovet for ei rettleiing til kommunane, dersom departementets forslag skal innførast.

Det er også nokre kommunar som ønskjer ei vidareføring av kravet om å utarbeide ein plan. Til dømes skriv *Nittedal kommune* i høyringsfråsegnan si:

Forslagene støttes, men vi mener at det fortsatt bør være et lovkrav å ha en plan for overgangen. Det hevdes at dette er en detaljstyring av kommunene, men vi mener at en plan er et så vidt begrep at det fortsatt vil være et stort handlingsrom for kommunene.

*Forandringsfabrikken kunnskapssenter* er oppteken av medverknaden til barnet i overgangar og uttaler mellom anna:

For å forsikre at barnet må få uttale seg fritt ved overgang, som barnekomiteen sier at de skal, må det stå i lovteksten. Det kan være ting som er viktig for barnet for å sikre en trygg og god overgang, som de vaksne ikke vil få vite hvis de ikke samarbeider med barnet om overgangen. Noen ganger deles opplysninger om et enkeltbarn for å sette i gang tiltak for å sikre en god overgang. Mange barn har opplevd at når det gjøres tiltak ut fra informasjon vaksne har fått fra andre vaksne, kan tiltakene bli feil, selv om de ble gjort i beste mening.

*Statsforvaltaren i Agder* har eit innspel som gjeld tieplikt og overføring av informasjon ved overgangar:

Vi mener ny opplæringslov i større grad bør omtale taushetsplikt og deling av informasjon, særleg ved overganger (fra barnehage til skole, fra barneskole til ungdomsskole, fra ungdomsskole til videregående skole og ved flytting etc.)

[...] Vi foreslår at avgiverskolen får en plikt til å ta opp med elev og foresatt om de kan få samtykke til å dele informasjon som det er viktig at neste skole kjänner til.

### 23.4.2 Samarbeid mellom velferdstenester

29 høyringsinstansar har uttalt seg om forslaget om at skolen, skolefritidsordninga (SFO) og pedagogisk-psykologisk teneste (PP-tenesta) skal samarbeide med andre tenesteytarar, og at kommunen skal samordne tenestetilbodet. Høyringsinstansane som har uttalt seg, støttar i hovudsak departementets forslag.

Enkelte instansar saknar omtale av forslaget opplæringslovutvalet har til eiga samarbeidslov eller forskrift, med utgangspunkt i forslag frå 0-24-samarbeidet, eit samarbeid mellom Helsedirektoratet, Barne-, ungdoms- og familielidirektoratet, Arbeids- og velferdsdirektoratet, Integrerings- og mangfaldsdirektoratet og Utdanningsdirektoratet. Samarbeidet hadde som formål å bidra til at alle barn og unge får den støtta og hjelpa dei treng for å meistre eige liv. Samarbeidet varte frå 2015 til 2021, og frå 2019 deltok også Sekretariatet for konfliktråda og Politidirektoratet.

Dei fleste høyringsinstansane er likevel innførstårte med at departementets forslag gjeld ei vidareføring av reglar som nyleg er vedtekne (i kraft frå 1. august 2022), og meiner desse reglane bør få verke ein periode.

Fleire ser fram til evalueringa som er førespeglia fire til fem år etter iverksetjinga, og meiner at ein då også bør vurdere regulering i eiga lov.

*Forandringsfabrikken kunnakapsenter* framhevar retten barnet har til medverknad i samarbeidet, og kvifor dette er avgjerande for barn:

Elevens prosessrettigheter etter §§ 1-5 og 1-6 [forslaget § 10-1 og § 10-2], må sikres i samarbeidet. En beslutning om å opprette samarbeid mot barnets vilje, kan bare tas dersom det etter en konkret helhetsvurdering, med vekt på barnet egen mening, kommer til at dette er det beste for eleven.

Samarbeid mellom voksne må bli nyttig for barnet. Noen ganger når mange voksne samarbeider, kan det kjennes for barnet som at det er viktigere for de voksne å samarbeide med hverandre, enn å samarbeide med barnet om hva som blir nyttig hjelp og trygt for barnet. Vi er redde for at om ikke barns rettigheter tydelig gjøres i denne bestemmelsen, vil de heller ikke sikres i praksis, og hjelp kan fortsette å bli veldig lite nyttig for barn.

KS har innspel til utforminga av paragrafen:

Bestemmelsen er for lang og detaljert til en lovttekst. Paragrafen legger også oppgaver og ansvar til kommunale virksomheter, mens dette er kommunens og fylkeskommunens ansvar. Paragrafen er inkonsekvent i forhold til femte delen i selve lovforslaget, ved at det her er en bestemmelse som gjelder voksne deltakere, mens strukturen ellers i lovforslaget, er en egen del for disse.

Nokre høyTINGSinstansar, mellom anna *Oslo kommune*, peikar på at kriteriet for at samarbeidsplikta blir gjeldande, «når det er nødvendig», er forholdsvis vagt og skjønnsmessig utforma. Dei er derfor opptekne av at det blir utarbeidd ei god, felles rettleiing til bruk i dei ulike sektorane.

Enkelte høyTINGSinstansar ønskjer at skolen i framtida vil bli ein like viktig aktør som helsepersonell i koordinering og tilrettelegging av velferdstenester rundt det enkelte barnet og den enkelte familien, medan enkelte andre meiner at skolen ikkje må påleggjast ytterlegare plikter som går ut over kjerneoppgåvene.

*Datatilsynet* har eit innspel til forslaget om at samarbeidande einingar har rett til å behandle særlege kategoriar personopplysningar når det er nødvendig for å oppnå formålet med samarbeidet. Av pedagogiske omsyn bør det etter *Datatilsynets*

meining presiserast om dette betyr at opplysninagar kan delast utan samtykke frå eleven eller førestette. Bakgrunnen for dette er klager frå foreldre som hevdar at skolen har brote teieplikta når dei har utlevert/delt opplysningar om elevar med andre verksemder i kommunen.

### 23.4.3 Opplysningsplikt til barnevernet

Svært få høyTINGSinstansar har uttalt seg om departementets forslag om å vidareføre dagens reglar, som tok til å gjelde 1. august 2022. Dei få som har uttalt seg støttar i hovudsak departementets forslag.

### 23.4.4 Plikt til å gi opplysningar til den kommunale helse- og omsorgstenesta og sosialtenesta

Svært få høyTINGSinstansar har uttalt seg om departementets forslag om å vidareføre dagens reglar, som tok til å gjelde 1. august 2022. Dei få som har uttalt seg støttar i hovudsak departementets forslag.

## 23.5 Departementets vurdering

### 23.5.1 Overgang frå barnehagen til skolen og skolefritidsordninga

Departementet meiner at opplæringslova bør stille krav til kommunane om å sørge for ein trygg og god overgang frå barnehagen til skolen og skolefritidsordninga (SFO). Alle høyTINGSinstansane som har uttalt seg om forslaget, støttar dette.

Departementet vurderer at det bør vere opp til kommunen å avgjere på kva måte han vil sørge for at barna får ein trygg og god overgang, og om det skal utviklast planar for overgangen.

Departementet ser viktigheita av at barna blir sikra ein god og trygg overgang, gjennom god kommunikasjon og overføring av nødvendig informasjon mellom skole og barnehage. Departementet vurderer likevel at det er unødvendig og lite tenleg at paragrafen om pliktene til kommunen ved overgang frå barnehagen til skolen og SFO inneheld eit krav om at kommunen skal utarbeide ein plan for overgangen. Departementets forslag inneber eit tydeleg pålegg til kommunen om å sørge for ein trygg og god overgang frå barnehagen til skolen og SFO.

Sørge for-plikta inneber at det er kommunen som har hovudansvaret for samarbeidet mellom skolane og barnehagane om overgangen. Kom-

munen skal ha internkontroll for å sikre at han følger dette kravet. Dette følgjer av kommunelova § 25-1. For å oppfylle kravet til internkontroll etter kommunelova § 25-1 skal kommunedirektøren mellom anna ha nødvendige rutinar og prosedyrar. Departementet meiner derfor eit særskilt krav i opplæringslova om at kommunane skal ha ein plan for overgangen frå barnehage til skole og SFO, er unødvendig. Internkontrollen til kommunen skal sikre at kommunen har rutinar for å sørge for ein trygg og god overgang, men kommunen kan sjølv velje korleis han vil gjere dette.

Å utarbeide ein plan for overgangen kan vere ein god måte å sikre dette på, men departementet ser ikkje bort frå at det også finst andre måtar kommunen kan ivareta lovkravet på, som er like gode. Slik departementet ser det, er det kommunen som står nærmast til å vurdere korleis kommunen best kan sikre at han oppfyller krava til trygg og god overgang. Staten bør derfor ikkje detaljstyre kommunen gjennom eit krav om ein bestemt plan. Departementet vil likevel understreke at dei kommunale rutinane må vere eigna til å vareta plikta til å sørge for at alle barn får ein trygg og god overgang frå barnehagen til skolen og SFO. Departementet vil dessutan vise til at det at ein kommune utarbeider ein plan for overgangen, ikkje nødvendigvis vil vere tilstrekkeleg for å sørge for at overgangen er trygg og god for alle barna. Det sentrale er at kommunen både har etablert og gjennomfører rutinar som kan vareta for målet om ein trygg og god overgang for alle barn.

Ein god overgang og eit godt samarbeid inneber at skolen bør vere førebudd på kva erfaringar barna har med seg frå barnehagen. Ein føresetnad i denne samanhengen er mellom anna at barnehagen er kjend med hovudinnhaldet i læreplanverka til skolen, og at skolen er kjend med hovudinnhaldet i rammeplanen for barnehagen.

Departementet er samd med høyningsinstansane som understrekar at planlegging av overgangen er særleg viktig for barn med særlege utfordringar, nedsett funksjonsevne og behov for tilrettelegging eller spesialpedagogiske tiltak. Det same kan gjelde for minoritetsspråklige barn. Sjølv om den foreslårte plikta til å sikre ein trygg og god overgang gjeld på eit overordna nivå, og ikkje inneber eit samarbeid med barnehagane om kvart enkelt barn, vil departementet understreke at det for barn med omfattande hjelpebehov likevel er nødvendig å planleggje og samarbeide om overgangen på individnivå. Dette bør skje i god tid før skolestart. Eit slikt samarbeid mellom barnehage og skole eller kommune er nødvendig for å sikre individuelle rettar for enkelte elevar og for å

kunne sørge for nødvendige hjelpemiddel, kompetanse og personalressursar. For enkelte barn er det eit særleg behov for tryggleik og føreseielege vilkår, støtte og rettleiing i overgangen. God planlegging på individnivå er ein føresetnad for at kommunane og skolane skal kunne levere forsvarlege tenester til desse barna.

Departementet vil også understreke at det er sentralt at både foreldre og elev er delaktige i prosessen. Departementet ser likevel ikkje grunn til å regulere medverknad særskilt her, men viser til forslaget §§ 10-2 og 10-3.

Sørgje for-plikta kommunen får gjennom den foreslårte regelen, vil omfatte alle barn/elevar, men vil på individnivå krevje ulik grad av planlegging og samarbeid, då behovet for detaljert planlegging av overgangen vil variere frå elev til elev.

Når det gjeld deling av personopplysningar ved overgangar, vurderer departementet at dette er tilstrekkeleg regulert i barnehagelova § 2 a for overgangen frå barnehagen til skolen. Informasjonsoverføring om det enkelte barnet føreset løyve frå foreldra. Sjå Prop. 145 L (2020–2021) *Endringer i barnehagelova, opplæringslova og friskolelova m.m. (behandling av personopplysninger, fjernundervisning m.m.)*. Reglar om deling av personopplysningar mellom skolar går fram av lovforslaget § 25-1, som er omtalt i punkt 54.

Det er oppgåva om sørge for ein trygg og god overgang, som vil gi rammene for kva opplysninigar som kan behandlast, og i kva utstrekning. Det følgjer av forslaget til § 25-1 første ledd at personopplysningar kan behandlast berre så langt det er nødvendig for den konkrete oppgåva eller plikta. Når det gjeld reglar om teieplikt, vurderer departementet at det ikkje er behov for ei dobbeltregulering av dette.

### **23.5.2 Samarbeid mellom velferdstenester**

Departementet foreslår å vidareføre reglane om samarbeid mellom velferdstenester og om plikta kommunen har til å samordne tenestetilbodet.

Stortinget har vedteke nye reglar om plikta skolen, skolefritidsordninga og pedagogisk-psykologisk teneste har til å samarbeide med andre velferdstenester, sjå Prop. 100 L (2020–2021) *Endringer i velferdstjenestelovinga (samarbeid, samordning og barnekoordinator)*. Reglane tok til å gjelde 1. august 2022. Formålet med endringane er å styrke oppfølgninga av utsette barn og unge og familiiane deira gjennom auka samarbeid mellom velferdstenestene.

Dei nye reglane inneber ei harmonisering og styrking av samarbeidspliktene for barnevernet, bar-

nehage- og skolesektoren, helsesektoren, arbeids- og velferdssektoren, familievernkontora, krisesentera og introduksjonsordninga. Vidare har kommunen fått ei tydeleg plikt til å avklare kva velferdstene som skal samordne tenestetilbodet for barn og unge som treng heilskaplege og samordna tenester.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Barne- og familieldepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet og Kunnskapsdepartementet har sett i gang ei evaluering av dei nye reglane om samarbeid for å få kunnskap om effekten av tiltaka. Dersom reglane ikkje har hatt den ønskte effekten, vil departementa sjå på andre moglege tiltak, inkludert vurdere om reglane bør samlast i ei felles samarbeidslov. Resultata av evalueringa vil ligge føre fire til fem år etter at regelverksendringane tok til å gjelde. Høyringsinnspel som gjeld ordlyden i den foreslattede paragrafen, blir derfor ikkje følgde opp no, men vil bli vurdert samla for alle velferdstenestelovene etter evalueringa.

Til innspelet frå *Datatilsynet* om at det bør presiserast om opplysningar kan delast utan samtykke frå eleven eller foreldra, vil departementet kommentere at denne sida av samarbeidet allereie er tilstrekkeleg regulert gjennom reglane i forvaltningslova om teieplikt og i personopplysningslova. Departementet vurderer at det ikkje er behov for ei dobbeltregulering av dette. Departementet viser til utgreiinga i punkt 4 i Prop. 100 L (2020–2021) og at reglane om tverrfagleg samarbeid ikkje medfører endringar i reglane om teieplikt. Departementet viser også til arbeidet med ny forvaltningslov. Det er tatt omsyn til innspelet frå *Datatilsynet* i merknader til forslaget § 24-1, der det er lagt inn nokre presiseringar knytte til teieplikt og personvern. Departementet meiner at reglane om tverrfagleg samarbeid utover dette bør utfyllast av ei rettleiing til bruk for dei aktuelle sektorane. Ei nasjonal, tverrsektoriell rettleiing er utarbeidd i samarbeid mellom Utdanningsdirektoratet, Barne-, ungdoms- og familieldirektoratet, Arbeids- og velferdsdirektoratet og Helsedirektoratet.

Det er oppgåva med samarbeid og samordning, som vil gi rammene for kva opplysningar som kan behandlast, og i kva utstrekning. Det følger av forslaget til § 25-1 første ledd at personopplysningar kan behandlast berre så langt det er nødvendig for den konkrete oppgåva eller plikta.

Også når det gjeld innspela frå KS om utföringa av paragrafen, vil departementet vise til dei vurderingane som er gjorde i Prop. 100 L (2020–2021). Departementet vurderer at det bør gå fram av forslaget § 24-1 at paragrafen gjeld på same

måte for samarbeid og samordning for vaksne deltagarar som har rett til førebuande opplæring og vidaregåande opplæring for vaksne etter kapittel 18, i staden for å regulere dette særskilt i kapittel 18.

### 23.5.3 Meldeplikt til barnevernet

Departementet viser til endringar i dagens opplæringslov § 15-3 om merksemplikt og opplysningsplikt til barnevernet, som vart vedtekne av Stortinget 11. juni 2021, jf. lovvedtak 143 (2020–2021) og Prop. 100 L (2020–2021) *Endringar i velferdstene telovinga (samarbeid, samordning og barnekoordinator)*. Formålet med lovendringane er å styrke oppfølginga av utsette barn og unge og familiene deira gjennom auka samarbeid mellom velferdstene. Lovendringane tok til å gjelde 1. august 2022. Departementet foreslår ingen innhaldsmessige endringar i denne lovproposisjonen, men har endra overskrifta til forslaget § 24-3, da paragrafen i hovudsak dreier seg om plikta til å melde frå til barnevernstenesta.

### 23.5.4 Plikt til å gi opplysningar til den kommunale helse- og omsorgstenesta og sosialtenesta

Departementet viser til endringar i opplæringslova § 15-4 om merksemplikt og plikt til å gi opplysningar til den kommunale helse- og omsorgstenesta og sosialtenesta, som vart vedtekne av Stortinget 11. juni 2021, jf. lovvedtak 143 (2020–2021), jf. lovvedtak 143 (2020–2021) og Prop. 100 L (2020–2021) *Endringer i velferdstjenestelovgivningen (samarbeid, samordning og barnekoordinator)*. Formålet med lovendringane er å styrke oppfølginga av utsette barn og unge og familiene deira gjennom auka samarbeid mellom velferdstene. Lovendringane tok til å gjelde 1. august 2022. Departementet foreslår ingen endringar i denne lovproposisjonen.

## 23.6 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å vidareføre at kommunen skal sørge for at barna får ein trygg og god overgang frå barnehagen til skolen og skolefritidsordninga, sjá forslaget til § 4-7
- å vidareføre reglane om at skolen, skolefritidsordninga og pedagogisk-psykologisk teneste skal samarbeide med andre velferdstenester,

- og reglane om plikta kommunen har til å samordne tenestetilbodet, sjå forslaget til § 24-1
- å vidareføre reglane om plikt til å vere merksam på forhold som kan føre til tiltak frå barnevernstenesta og om meldeplikt og opplysningsplikt til barnevernstenesta, sjå forslaget til § 24-3
  - å vidareføre reglane om plikt til å vere merksam på forhold som kan føre til tiltak frå sosialtenesta eller helse- og omsorgstenesta og om plikt til å gi opplysningar til sosialtenesta eller helse- og omsorgstenesta, sjå forslaget til § 24-2

## 24 Tilpassa opplæring

### 24.1 Innleiing

Dette punktet handlar om tilpassa opplæring. Tilpassa opplæring er eit grunnleggjande prinsipp i skolen og dreier seg om at lærarane – innanfor rammene til fellesskapet – skal legge til rette opplæringa slik at alle elevar skal få best mogleg utbytte av denne. Intensiv opplæring i grunnskolen er ein del av den tilpassa opplæringa og inneber kortvarig og målretta innsats frå skolen i lesing, skriving og rekning for elevar på 1. til 4. trinn som har behov for det.

### 24.2 Dagens reglar

#### 24.2.1 Grunnlova og Noregs folkerettslege forpliktingar

Det følgjer av Grunnlova § 109 at alle har rett til utdanning. Ein viktig del av ordlyden i Grunnlova § 109 er at opplæringa skal «utvikle evnene til kvart barn og ta omsyn til dei behova det har». Dette har også komme til uttrykk i sentrale reglar i opplæringslova om tilpassa opplæring og retten til spesialundervisning. Det kjem fram av FNs konvensjon om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD) artikkel 24 at partane blir pålagde å sikre eit inkluderande utdanningssystem på alle nivå for å verkeleggjere retten til utdanning utan diskriminering. Departementet viser elles til omtalen av CRPD i punkt 25.

#### 24.2.2 Opplæringslova

Det følgjer av opplæringslova § 1-3 at «[o]pplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lærekandidaten». Tilpassa opplæring er følgjeleg eit prinsipp som ligg til grunn for all grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring. I forarbeida til paragrafen er det understreka at både organiseringa av opplæringa, dei pedagogiske metodane og progresjonen i opplæringa skal tilpassast føresetnadene og evnene til den enkelte eleven.

Reglane i opplæringslova om tilpassa opplæring gjeld for alle elevar. Det inneber at skolen har plikt til å tilpasse opplæringa også for dei elevane som lærer raskare enn andre, som har spesielle talent, eller som har potensial til å nå dei høgaste faglege nivåa.

Opplæringslova § 1-4 inneheld ein særregel om intensiv opplæring (tidleg innsats) for elevar på 1. til 4. trinn:

På 1. til 4. årstrinn skal skolen sørge for at elevar som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring slik at forventa progresjon blir nådd. Om omsynet til eleven sitt beste talar for det, kan den intensive opplæringa i ein kort periode givast som eineundervisning.

Intensiv opplæring etter § 1-4 er ein del av den ordinære tilpassa opplæringa og skal vere ein kortvarig og målretta innsats frå skolen i lesing, skriving eller rekning for elevane som har behov for det. Målet er at elevar som treng det, raskt skal få eigna støtte og oppfølging. Tiltak krev ikkje sak-kunnig vurdering eller enkeltvedtak.

Reglane om tilpassa opplæring, inkludert reglane om intensiv opplæring, gir kommunane og fylkeskommunane plikt til å tilpasse opplæringa, men elevane har ikkje ein korresponderande rett. At elevane ikkje har individuell rett til tilpassa opplæring, betyr mellom anna at elevane ikkje har rett til å klage etter reglane i forvaltningslova på at dei ikkje har fått tilpassa opplæring. At kommunane og fylkeskommunane rettar seg etter regelverket, kan følgjast opp gjennom tilsynet til statsforvaltaren.

Elevane har rett til undervegsvurdering i fag slik denne er beskriven i forskrift til opplæringslova § 3-10, og undervegsvurderinga skal nyttast til å vurdere om eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Det følgjer av opplæringslova § 5-4 første ledd at lærarane skal vurdere om ein elev treng spesialundervisning, og melde frå til rektor når ein elev har slike behov. Skolen har plikt til å vurdere og eventuelt prøve ut tiltak innanfor det ordinære opplæringstilbodet med sikte

på å gi eleven tilfredsstillende utbytte før det blir utarbeidd ei sakkunnig vurdering, jf. opplæringslova § 5-4 første ledd tredje punktum.

## 24.3 Høyningsforslaget

Departementet foreslo

- å vidareføre plikta skolen har til å gi tilpassa opplæring. Departementet bad om synspunkta til høyningsinstansane på om nemninga bør endrast til «universell opplæring» slik som opplæringslovutvalet foreslo
- å vidareføre, og å samle og gjere tydeleg i lova, plikta skolen har til å følgje med på og vurdere utbyttet elevane har av opplæringa, å melde frå til rektor når det er tvil om at eleven har tilfredsstillende utbytte av opplæringa, og å følgje opp ved å vurdere og setje i verk tiltak
- å vidareføre dagens reglar om intensiv opplæring for elevar på 1. til 4. trinn
- å lovfeste ein ny regel om intensiv opplæring for elevar i vidaregåande opplæring

Med unntak av spørsmålet som departementet høyrde ope, innebar høyningsforsлага i dei to første strekpunkta over at departementet i hovudsak følgde opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 31. Høyningsforsлага i dei to siste strekpunkta skil seg frå forslaget frå utvalet om å utvide dagens plikt til å gi intensiv opplæring i lesing, rekning og skriving på 1. til 4. trinn til å gjelde opplæring i alle fag og for elevar på alle trinn både i grunnskolen og den vidaregåande opplæringa, og å endre nemning til «forsterka inn-sats».

## 24.4 Høyningsinstansanes syn

### 24.4.1 Spørsmålet om å endre nemning frå tilpassa opplæring til universell opplæring

Omtrent 100 høyningsinstansar har uttalt seg om spørsmålet om å endre nemninga «tilpassa opplæring» til «universell opplæring». Omtrent dobbelt så mange av høyningsinstansane ønsker å behalde dagens nemning, som dei som meiner nemninga bør endrast. Mange av høyningsinstansane som vil behalde dagens nemning, grunnar dette med at ho er godt innarbeidd, og at «universell opplæring» verken synest å vere ei innhaltsmessig tydelegare eller betre nemning. Blant dei som støttar å behalde dagens nemning, er *Utdanningsdirektoratet, Statped, Barneombodet*,

*Elevorganisasjonen, KS og Utdanningsforbundet. Likestillings- og diskrimineringsombodet* ønsker også å behalde dagens nemning og skriv:

Selv om det for begge bestemmelser gjelder et prinsipp om at hovedløsningen skal fungere for det store mangfoldet, og at det først er når hovedløsningen er universell at det skapes reelle muligheter for lik deltagelse for alle, er vi bekymret for om bruken av begrepet «universell opplæring» kan oppfattes som en sammenblanding av begreper med ulike meningsinnhold, og at det kan bidra til å utvanne begrepet universell utforming.

Blant kommunane og fylkeskommunane er det ulike meningar om omgrepss bruk. *Innlandet fylkeskommune* ønsker å endre nemninga til universell opplæring og meiner nemninga «universell» er framtidsretta og bidreg til lik omgrepss bruk på tvers av lovverk. *Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark* vil også endre til «universell opplæring» og skriv:

Vår erfaring fra tilsyn og klagesaker er at tilpasset opplæring av mange forstås som en individuell tilrettelegging. Begrepet universell er innarbeidet både i annet lovverk og i alminnelig språklig forståelse, og vil kunne bidra til en mer riktig inngang i tenkningen om hva denne rettigheten innebærer.

Nokre få høyningsinstansar vil heller ha ei anna nemning enn dei to konkrete alternativa til høyningsnotatet.

### 24.4.2 Kva plikta til tilpassa opplæring inneber

Som påpeika over, vart det hørt ope om ein skal endre nemninga frå «tilpassa opplæring» til «universell opplæring». Uavhengig av dette vart det foreslått å justere ordlyden i dagens reglar om tilpassa opplæring for å gjere tydelegare kva plikta til tilpassa opplæring inneber. Mange av høyningsinstansane har gitt si generelle støtte til ei av dei alternative nemningane, utan å ha kommentert forslaget om å gjere tydelegare kva plikta inneber. Ein del høyningsinstansar gir også eksplisitt si støtte til høyningsforslaget om å gjere tydelegare i lova kva plikta til å gi tilpassa opplæring inneber.

Ein del høyningsinstansar meiner at forslaget til definisjon av tilpassa opplæring («det vil seie at elevane skal få eit tilfredsstillande utbytta av opp-

læringa uavhengig av funksjonsnivå, og at alle skal få utnytta og utvikla evnene sine») ikkje er tydeleg nok. Blant dei som vil ha ein tydelegare definisjon av tilpassa opplæring, er *Statsforvaltaren i Vestland*, *NLA Høgskolen*, *Redd Barna* og *Norges Blindeforbund*. Enkelte meiner også at det er utfordrande med ein skjønnsmessig regel.

Når det gjeld bruken av omgrepene «funksjonsnivå» i høyingsforslaget, skriv *Utdanningsdirektoratet*:

Vi mener en endring av betegnelsen fra tilpasset til universell opplæring, sammen med en endring av ordlyden i bestemmelsen «... tilfredsstillande utbytte av opplæringa uavhengig av funksjonsnivå ...», vil kunne skape tvil om den nye bestemmelsen innebærer en innsnevring i forhold til tidligere.

*Statsforvaltaren i Rogaland* har også innspel knytt til mellom anna bruken av nemninga «funksjonsnivå» og skriv:

Gjeldande § 1-3 i opplæringslova er ein formålsregel og inneber at opplæringa så godt som mulig skal tilpasses den enkelte elevs forutsetninger; både de svake og sterke elevers forutsetninger (jf. merknader til regelen). Forslaget til ny § 11-1 blir knytt til funksjonsnivå og har overskrifta Tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Slik vi ser det kan ordlyden lede i retning av at gjeldande formålsregel blir fjerna og erstatta av ein regel som primært tar sikte på å inkludere fleire elevar inn under ordinære rammer. Vi stiller spørsmål ved om hensikta dels har vært å innsnevre den opphavelege forståinga og ser eit behov for at dette klargjerast.

Fleire høyingsinstansar ønsker å behalde reglene om tilpassa opplæring i kapittel 1, mellom anna fleire kommunar, *Universitetet i Agder*, *KS* og *Redd Barna*. Fleire av desse instansane, mellom anna *KS*, ønsker at regelen framleis skal bli verande i det dei omtaler som formålskapittelet, og enkelte meiner at flyttinga inneber moglegheit for tilsyn og dermed auka dokumentasjonskrav og internkontroll.

#### 24.4.3 Delpliktene til skolen for å sikre at elevane får tilfredsstillande utbytte av opplæringa

Det har komme ei rekke ulike innspel til høyingsforslaget om å lovfeste pliktene til å følgje med på og å vurdere utbyttet til elevane av opplæ-

ringa, å melde frå til rektor når det er tvil om at eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og å følgje opp ved å vurdere og setje i verk tiltak for at eleven skal få tilfredsstillande utbytte. Nokon støttar forslaget. Enkelte vil ha justeringar i ordlyden, og nokon meiner at reglane ikkje er tydelege nok. Det har komme fleire innspel om at tydeleggjeringa av pliktene synest å kunne innebere auka krav til dokumentasjon. *Kristiansand kommune* skriv:

Kristiansand kommune støtter de enkelte delpliktene utvalget foreslår; følge med, melde fra, vurdere og sette inn tiltak og evaluere. Plikten innebærer ingen realitetsendring, men en tydeleggjøring av det som i dag er skolens plikter. Kristiansand kommune er imidlertid bekymret for at en tydeleggjøring av delpliktene, også vil innebære økte krav til dokumentasjon, slik det er i skolemiljøsakene. Kommunen ønsker derfor en tydeleggjøring fra departementet på hva som er forventet dokumentasjon gjennom alle leddene i delpliktene.

*Ringebo kommune*, *Ringsaker kommune* og *KS* har også liknande innspel, der dei mellom anna spør om lovforslaget vil innebere auka dokumentasjonskrav og rapportering. *KS* har også i lovmedverknadsmøte med Kunnskapsdepartementet våren 2022 gjort tydeleg innspela sine om auka krav til dokumentasjon og rapportering. I skriftleg innspel 4. april 2022 skriv *KS* mellom anna følgjande om lovforslaget:

Det er KS' vurdering at plikten til tilpasset opplæring som foreslås er skjerpet og utvidet både i innhold og angitte krav til saksbehandling sammenliknet med dagens regel. Regelen i dag, selv om den har karakter av en pliktregel, er plassert i et formålskapittel. Denne har en annen ordlyd, struktur og plassering enn hva departementet foreslår i ny lov. Både ordvalget og plasseringen tilsier etter vår vurdering at dette må forståes som en skjerpet rettsregel. Eksempler på ordvalg er formuleringen i overskriften – «sikre», og videre at kommunen skal «sørgje for at alle skal få utnytta og utvikle evnenes sine», lærerne skal «følgje med på utviklinga», «vurdere om tiltaka er gode nok». Dette innebærer etter vår vurdering et skjerpet rettslig innhold, og nye saksbehandlingsplikter. Det antas at saksbehandlingsplikter kan følges opp gjennom pliktige evalueringer i dag, men ved at disse plikter også løftes i forbindelse med reglene om tilpasset opplæring, så

oppfatter vi det slik at de rettslige virkninger og innholdet i reglene om tilpasset opplæring skjerpes.

KS ønskjer primært at reglane om tilpassa opplæring skal stå i kapittel 1 i lova. Dersom reglane ikkje skal stå i kapittel 1, ønskjer KS at første ledd i høyringsforslaget blir skilt ut som eigen paragraf.

I høyringa har det komme noko ulike innspel om pliktsbjekt. *Redd Barna* vil ha skolen som pliktsbjekt, medan *Barneombodet* meiner at læraren bør vere pliktsbjekt under tilvising til at den som er nærest eleven, bør ha eit klart ansvar for å oppdage behovet til elevane. *Universitetet i Agder* har også liknande innspel.

#### **24.4.4 Intensiv opplæring**

I overkant av 50 høyringsinstansar har uttalt seg om forslaget om å vidareføre dagens reglar om intensiv opplæring for elevar frå 1. til 4. trinn.

Det er eit mindretal av høyringsinstansane som støttar departementets forslag, inkludert *Statsforvaltaren i Trøndelag* og enkelte kommunar.

Eit klart fleirtal av dei som har uttalt seg om forslaget, ønskjer heller ei løysing tettare opp mot forslaget frå utvalet om «forsterket innsats», som inneber å innføre ei plikt til intensiv opplæring i alle fag og for elevar på alle trinn både i grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. Det er innanfor denne gruppa av høyringsinstansar ulike innspel til kva slags lovregel det er ønskjeleg å ha. Nokon støttar forslaget frå utvalet fullt ut. Andre ønskjer at plikta til å gi intensiv opplæring blir utvida til å gjelde alle trinn, men at ho blir avgrensa til grunnleggjande ferdigheter i lesing, skriving og rekning, det vil seie ein hybrid mellom forslaget frå utvalet og departementet.

Det har komme fleire høyringsinnspel om at bruken av omgrepene «hengande etter» i ordlyden i dagens lovregel og i høyringsforslaget er lite heldig, mellom anna frå *Statsforvaltaren i Vestland*, *Redd Barna*, *Unge Funksjonshemmede*, *Utdanningsforbundet* og *UNICEF*. Enkelte meiner at nemninga er vag og uklar, medan andre meiner at ordlyden gir inntrykk av eit negativt elevsyn og ein feilaktig føresetnad om at alle elevar frå 1. til 4. klasse skal ha same utgangspunkt og potensial for læring.

*LO* tek ikkje direkte stilling til høyringsforslaget, men skriv:

Vi registrerer også at overskriften er endret fra «Tidlig innsats på 1.-4. trinn» til «intensiv opplæring» i forslaget til § 11-2. Begrunnelsen er at tidlig innsats handler om å tilrettelegge for at tiltak som ikke er knyttet til grunnleggende lese/skriveferdigheter settes inn så tidlig som mulig. Dette mener vi må sees i sammenheng. Det kan være ulike årsaker til at elever ikke lærer som forventet og hvor tiltak som settes inn ikke handler om ekstra undervisning, men eksempelvis kan være tiltak relatert til hjemmesituasjonen. Det bør derfor stå «Tidlig innsats og intensiv opplæring». Det er også slik at begrepet «tidlig innsats» nå begynner å bli innarbeidet og det vil dermed være ugunstig å nedtone det.

KS støttar ikkje forslaget om å vidareføre moglegheita til å gi intensiv opplæring som eineundervisning. *Agder fylkeskommune* meiner departementet bør trekkje opp nokre rammer om kva «kort periode» for eineundervisning kan innebere.

Dei aller fleste høyringsinstansane som har uttalt seg om forslaget om å lovfeste ein ny regel om intensiv opplæring for elevar i vidaregåande opplæring, støttar heilt eller delvis forslaget. Dette er mellom anna *Justis- og beredskapsdepartementet*, *Barneombodet*, *Statsforvaltaren i Rogaland*, fleire fylkeskommunar, *Utdanningsforbundet* og *Elevorganisasjonen*.

#### **24.5 Departementets vurdering**

##### **24.5.1 Behalde nemninga tilpassa opplæring**

Departementet foreslår å behalde dagens nemning, tilpassa opplæring, noko eit klart fleirtal av høyringsinstansane støttar. Dagens nemning er godt innarbeidd, og nemninga «universell opplæring» vil ikkje gjere innhaldet i pliktene til skolen tydelegare enn i dag. Departementet er samd med dei høyringsinstansane som er kritiske til å trekke parallelle til reglane i likestillings- og diskrimineringslova og nemninga «universell utforming», då omgrepet «universell» ikkje vil ha same betydning i dei to lovene.

##### **24.5.2 Kva plikta til tilpassa opplæring inneber**

Plikta til å gi tilpassa opplæring inneber at opplæringa – innanfor eit fellesskap – skal leggjast til rette på ein slik måte at alle elevar skal få så godt utbytte av opplæringa som mogleg. Denne forståinga føreslo departementet i høyringa å gjere

tydeleg ved å presisere i lova at tilpassa opplæring «vil seie at elevane skal få eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa uavhengig av funksjonsnivå, og at alle skal få utnytta og utvikla evnene sine».

Fleire høyringsinstansar er samde i at det er viktig å gjere forståinga av tilpassa opplæring i lova tydelegare, og enkelte støttar høyringsforslaget fullt ut.

Enkelte høyringsinstansar meiner at det er uklart kva som ligg i omgrepet «tilfredsstillande utbytte av opplæringa», og at dette bør gjerast tydeleg. Departementet påpeikar at kva som er «tilfredsstillande utbytte av opplæringa», er ei skjønnsmessig vurdering. Vurderinga av kva som er eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa, skal gjerast med utgangspunkt i fagleg-pedagogisk kunnskap og erfaring. Departementet legg til grunn at vurderinga skal vere eit lovbunde skjønn som statlege tilsynsmakter og domstolen kan overprøve. Departementet gir døme på moment som inngår i vurderinga i merknadene til paragrafen, sjå punkt 69.

*Utdanningsdirektoratet og Statsforvaltaren i Rogaland* meiner bruken av nemninga «funksjonsnivå» kan indikere at reglane om tilpassa opplæring er meint å innsnevra. Departementet noterer til dette at beskrivinga av tilpassa opplæring i høyringsforslaget var meint å gjere det tydelegare kva tilpassa opplæring er, og var ikkje meint å innebere realitetsendringar. Departementet er samd med dei to nemnde høyringsinstansane i at nemninga «funksjonsnivå» ikkje er tenleg. Til vanleg blir nemninga brukt for å beskrive evna og moglegheita ein person har til å fungere i omgivnadene sine, og kor stor evne personen har til å forstå og utføre handlingar. Dette er nært knytt til funksjonsnedsetjing, medan beskrivinga av tilpassa opplæring skal vere meir generell. Departementet foreslår derfor å heller bruke nemninga «føresetnader», som er ei meir generell nemning som også er brukt i dagens regel om tilpassa opplæring.

Departementet understrekar at beskrivinga i lovforslaget av tilpassa opplæring ikkje er meint å innebere nokon realitetsendringar frå dagens reglar om tilpassa opplæring. Departementet presiserer også at heller ikkje flyttinga av regelen frå dagens kapittel 1 til kapittel 11 i lovforslaget er meint å innebere materielle endringar, men er eit regelteknisk grep for å samle reglar som naturleg høyrer saman, i eitt kapittel. Dagens regel i § 1-3

er også ein pliktregel, som det kan førast tilsyn med.

I ordlyden til høyringsforslaget er tilpassa opplæring berre knytt til «elevar», medan dagens § 1-3 omfattar elevar, lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar. Det var ikkje tilskikta at ordlyden til høyringsforslaget skulle innsnevre persongruppa som tilpassa opplæring rettar seg mot, og departementet foreslår å inkludere dei som har læretid i bedrift, i ordlyden, i tråd med dagens reglar.

I dagens reglar går det ikkje eksplisitt fram kven som er pliktsubjekt, altså kven som har ansvaret for å oppfylle plikta til tilpassa opplæring. Departementet foreslår å presisere at kommunen og fylkeskommunen er pliktsubjekt. I dei tilfella vidaregående opplæring blir gitt i bedrift, vil det vere ansvaret til bedrifta å sørge for at den enkelte får opplæring etter opplæringslova, og følgjeleg også at opplæringa er tilpassa, noko departementet foreslår å presisere i paragrafen. Nokre gonger er elevar som fylkeskommunen har opplæringsansvaret for, utplasserte i bedrifter for å få praksis, til dømes elevar i vidaregåande trinn 1 (vg1) og vidaregåande trinn 2 (vg2) som tek yrkesfagleg fordjuping for dei yrkesfaglege utdanningsprogramma, og elevar som ikkje får lære-plass i vidaregåande trinn 3 (vg3). Då er det fylkeskommunen som vil ha plikt til å sørge for tilpassa opplæring.

I høyringa blei reglane om tilpassa opplæring foreslått som første ledd i ein felles paragraf saman med plikta kommunen og fylkeskommunen har til å følge med på og å vurdere utbyttet til elevane av opplæringa, å melde frå til rektor når det er tvil om eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og å følgje opp ved å vurdere og setje i verk tiltak for at eleven skal få tilfredsstillande utbytte. Som beskrive i avsnittet over, er det bedrifta som er ansvarleg for å oppfylle plikta til å gi tilpassa opplæring for lærlingar og andre som har opplæring i bedrift. Bedrifta vil ikkje ha dei andre pliktene som er beskrivne i § 11-2 i forslaget. Departementet foreslår derfor å skilje ut reglane om tilpassa opplæring i ein eigen paragraf og reglane om å følge med på at eleven får tilfredsstillande utbytte av opplæringa til ein annan, sjá forslaget til §§ 11-1 og 11-2. Ei slik oppdeling er i tråd med forslaget frå opplæringslovutvalet og enkelte høyringsinnspel, og vil på ein god måte gjere tydeleg at forslaget om tilpassa opplæring er ei vidareføring av dagens reglar.

### 24.5.3 Delpliktene til skolen for å sikre at elevane får tilfredsstillande utbytte av opplæringa

Departementet foreslår å samle og å gjere tydeleg delpliktene kommunen og fylkeskommunen har for å sikre at den enkelte får tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Departementet foreslår å innføre ein regel som seier at «[k]ommunen og fylkeskommunen skal sørge for at lærarane følgjer med på utviklinga til elevane og melder frå til rektor dersom det er tvil om at ein elev har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Om det må til, skal kommunen og fylkeskommunen setje i verk eigna tiltak, jf. §§ 11-1 og 11-3. Skolen skal vurdere om tiltaka er nok til å gi eleven eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa, eller om eleven kan trenge individuell tilrettelegging etter reglane i §§ 11-4, 11-5 og 11-6.»

Innhaldsmessig er dette i hovudsak i tråd med høyringsforslaget, men inneber ei språkleg forenkling og forkorting, sidan enkelte av delpliktene i høyringsforslaget er delvis overlappande, og noko av innhaldet i delpliktene uansett inngår i den overordna plikta kommunen og fylkeskommunen har til å sørge for at opplæringa er tilpassa. Det er også i tråd med tillitsreforma å avgrense detaljeringssgraden i korleis desse delpliktene blir oppstilte. Ei forenkling og forkorting er også i tråd med fleire av høyringsinnspeila om at høyringsforslaget var for detaljert, og derfor kunne gi eit inntrykk av skjerpa reglar og følgjeleg også skjerpa dokumentasjons- og rapporteringskrav i forhold til dagens reglar. Dette har ikkje vore meininga.

Elles gjer departementet merksam på at reglane om tilpassa opplæring både etter dagens reglar, og etter departementets forslag, er pliktrestrar som det kan førast tilsyn med.

Departementet forslår elles å følgje opp høyringsforslaget om å samle dei aktuelle delpliktene i éin paragraf, men ikkje saman med den overordna regelen om tilpassa opplæring, sjá vurderinga i punkt 24.5.2 over. Departementet meiner at forslaget til regulering gir ei betre og ryddigare framstilling av pliktene enn det som følgjer av dagens reglar. Forslaget inneber i hovudsak ei vidareføring av pliktene til skolen, men systematiseringa i lova gjer at pliktene blir meir tydelege og samla. Dermed blir det klarare korleis skolen skal handle for å sikre at elevane får tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Som i høyringsforslaget foreslår departementet at kommunen og fylkeskommunen blir brukt som subjekt enkelte stader, medan skolen blir brukt som subjekt andre stader fordi oppfyllinga

av pliktene naturleg skjer på skolenivå, sjølv om det er kommunen eller fylkeskommunen som vil vere rettsleg ansvarlege for at kravet blir oppfylt. Skolen er ikkje eit eige rettssubjekt, og som påpeika over er det uansett kommunen eller fylkeskommunen som har ansvaret for oppfyllinga, sjá §§ 28-1 og 28-2.

### 24.5.4 Intensiv opplæring

Departementet foreslår å vidareføre dagens reglar om intensiv opplæring på 1. til 4. trinn.

Når det gjeld spørsmålet om ein også skal inkludere fleire trinn, meiner departementet at dagens regel om intensiv opplæring gir eit tydeleg signal om at innsats for elevane på 1. til 4. trinn er særleg viktig og bør prioriterast. I forarbeida til dagens paragraf om intensiv opplæring, Prop. 52 L (2017–2018) *Endringar i opplæringslova, friskolelova og folkehøgskolelova (plikt til å tilby intensiv opplæring og plikt til fleirfagleg samarbeid m.m.)*, vart det understreka at innsatsen dei første åra av skoleløpet har ein særskild verdi. Ei utviding av ansvaret til kommunane og ei forventning om «auka aktivitet» på 5. til 10. trinn, ville dessutan ha vesentlege økonomiske konsekvensar for grunnskolen.

Når det gjeld spørsmålet om å utvide plikta til å gi intensiv opplæring til fleire fag, meiner departementet at ei slik utviding kan gjere det vanskeleg å skilje intensiv opplæring frå den vanlege variasjonen i pedagogisk opplegg som følgjer av plikta til å gi tilpassa opplæring. Vidare vil ei slik utviding gjere det vanskeleg å vurdere grensegangen mellom intensiv opplæring og individuelt tilrettelagd opplæring. Departementet foreslår derfor at intensiv opplæring framleis bør avgrensast til dei grunnleggjande ferdighetene lesing, skriving og rekning.

Departementet har forståing for innspeila om at omgrepet «hengande etter» ikkje er tenleg. Elevar startar på skolen med ulike føresetnader. Enkelte høyringsinstansar peikar på at alternativ ordlyd kan vere at intensiv opplæring blir knytt til dei elevane som ikkje har forventa prosesjon. Departementet foreslår å endre ordlyden i tråd med dette. Dette er ei språkleg justering, som ikkje er meint å innebere ei realitetsendring.

Enkelte høyringsinstansar, mellom anna KS, meiner det er uheldig at reglane om intensiv opplæring gir rom for å gi elevane eineundervisning. Departementet påpeikar at eineundervisning berre er aktuelt for ein kort periode og dersom det er til det beste for eleven. Departementet meiner rammene for eineundervisning er definert på

ein måte som gjer dette til eit godt verktøy. Departementet foreslår derfor å vidareføre dagens reglar om at den intensive opplæringa, dersom det er til det beste for eleven, i ein kort periode kan givast som eineundervisning.

Departementet foreslår at tittelen på paragrafen skal vere «intensiv opplæring på 1.-4. trinn». Prinsippet om tidleg innsats inneber meir enn det å gi intensiv opplæring i lesing, skriving og rekning for elevar som har behov for dette. Arbeid med tidleg innsats inneber både å leggje til rette for eit godt pedagogisk tilbod så tidleg som mogleg og å setje inn tiltak straks utfordringar blir oppdaga, gjennom heile opplæringsløpet. Departementet meiner derfor at omgrepene «intensiv opplæring» i overskrifta til paragrafen gir ei meir presis beskriving av kva paragrafen handlar om.

Departementet foreslo i høyringa å innføre ei ny plikt om tidleg innsats i den vidaregåande opplæringa, formulert som ei plikt for fylkeskommunen til å tilby intensiv opplæring for å bidra til at elevar i vidaregående opplæring skal kunne bestå fag. Sjølv om forslaget får god støtte i høyringa, er dette eit svært kostbart tiltak, som departementet ikkje foreslår å innføre reglar om no. Departementet vil likevel vurdere ulike måtar å styrke opplæringa i vidaregåande opplæring på og vil eventuelt komme tilbake til forslag om regelendringar.

#### **24.5.5 Elevar med stort potensial for læring**

Nokre elevar lærer raskare og tileignar seg meir kompleks kunnskap samanlikna med jamaldra. Elevar med stort læringspotensial er i dag omfatta av plikta skolen har til å gi tilpassa opplæring, men desse elevane vil ikkje ha rett til individuell tilret-

telegging etter §§ 11-4, 11-5 og 11-6. Departementet meiner at det ikkje bør innførast ein rett til individuell tilrettelagd opplæring for elevar med stort læringspotensial slik som enkelte høyringsinstansar foreslår. Forslaget er i tråd med vurderingane til opplæringslovutvalet i NOU 2019:23 og høyringa til departementet.

Departementet understrekar at skolen skal tilpasse opplæringa for alle elevar, også for elevar med stort læringspotensial. Departementet foreslår å gjere dette tydelegare i forslaget til ny § 11-1 om tilpassa opplæring ved å presisere i paragrafen at «alle skal få utnytta og utvikla evnene sine». Lovforslaget følgjer gjennom dette opp forslaget frå Jøsendalutvalget i NOU 2016: 14 *Mer å hente – Bedre læring for elever med stort læringspotensial* om å presisere i lovteksten at opplæringa skal leggjast til rette slik at den enkelte får utnytta læringspotensialet sitt.

---

#### **24.6 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å vidareføre plikta skolen har til å gi tilpassa opplæring, sjå forslaget til § 11-1
- å vidareføre, og å samle og gjere tydeleg i lova, plikta skolen har til å følgje med på utviklinga til elevane og å melde frå til rektor når det er tvil om at eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og å følgje opp ved å vurdere og setje i verk tiltak, sjå forslaget til § 11-2
- å vidareføre dagens reglar om intensiv opplæring for elevar på 1. til 4. trinn, sjå forslaget til § 11-3

## 25 Individuell tilrettelegging av opplæringa

### 25.1 Innleiing

Dette punktet handlar om individuell tilrettelegging av opplæringa, som i dag blir omtalt som spesialundervisning, og som departementet foreslår å dele opp i tre paragrafer med nye nemningar. Reglane om spesialundervisning må sjåast i samanheng med regelen om tilpassa opplæring, sjá punkt 24 og punkt 25.2.2.

Tal frå Grunnskolenes Informasjonssystem (GSI) viser at 49 246 elevar hadde enkeltvedtak om spesialundervisning skoleåret 2021-2022, noko som utgjorde 7,7 prosent av elevane. Andelen med spesialundervisning auka utover i grunnskolen, frå 3,5 prosent på 1. trinn til 10,4 prosent på 10. trinn. For skoleåret 2018–2019 fann Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) at 4 prosent av elevane i vidaregående opplæring hadde spesialundervisning. Det er langt fleire gutter enn jenter som får spesialundervisning.

Skoleåret 2021-2022 hadde 47 360 elevar vedtak om spesialundervisningstimar med lærar og 22 207 elevar vedtak om spesialundervisningstimar med assistent. Mange elevar hadde vedtak om både timar med lærar og assistent. Omfanget av spesialundervisning varierer mellom kommunane.

### 25.2 Dagens reglar

#### 25.2.1 Grunnlova og Noregs folkerettslege forpliktingar

Det følgjer av Grunnlova § 109 at alle har rett til utdanning. FNs konvensjon om rettane til barnet (barnekonvensjonen) artikkel 23 understrekar at barn med funksjonsnedsetjingar har same retten til skole og utdanning som alle andre barn. Etter artikkel 24 i FNs konvensjon om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD) er statane forplikta til å byggje ned funksjonshemmande barrierar i utdanningssystemet og gi elevar som har behov for det, individuell tilrettelegging og støtte innanfor rammene av det allmenne utdanningssystemet.

#### 25.2.2 Retten til spesialundervisning etter opplæringslova kapittel 5

Elevar som ikkje har, eller ikkje kan få, tilfredsstilande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-1. Spesialundervisning kan bestå av ei rekke individuelle tilretteleggingstiltak knytte til opplæringsmetodikk, lærarressursar, organisering av opplæringa, praktisk tilrettelegging og fysisk tilrettelegging i form av særskilt utstyr og særskilt tilrettelagde lærermiddel. I § 5-1 andre ledd er det oppstilt nokre rammar for kva tilbodet om spesialundervisning kan gå ut på. Det kjem fram at det særleg skal leggjast vekt på utviklingsutsiktene til eleven i vurderinga av kva slags opplæringstilbod som skal givast. Vidare skal opplæringstilbodet ha eit slikt innhald at det samla tilbodet kan gi eleven eit forsvarleg utbytte av opplæringa i forhold til andre elevar og i forhold til dei opplæringsmåla som er realistiske for eleven. Til slutt er det presert at elevar som får spesialundervisning, har krav på like mange undervisningstimar som dei elevane som ikkje får spesialundervisning.

Reglane i opplæringslova og i forskrift til lova om innhaldet i opplæringa gjeld for spesialundervisning så langt dei passar, jf. § 5-5.

Reglane om spesialundervisning må sjåast i samanheng med reglane om tilpassa opplæring i § 1-3, som fastset eit generelt mål for all opplæring. Kva for nokre organisatoriske og pedagogiske tiltak skolen har sett inn som del av den tilpassa opplæringa, kan ha noko å seie for behovet til den enkelte for spesialundervisning.

For å sikre at elevane får oppfylt retten til spesialundervisning, er det gitt detaljerte reglar om saksbehandlinga i opplæringslova kapittel 5. Vedtak om spesialundervisning føreset ei sakkunnig vurdering, jf. § 5-3.

Foreldre og elevar er gitt ei sentral rolle og rett til medverknad i prosessen. Det følgjer av § 5-4 at elevane og foreldra kan krevje at «skolen gjer dei undersøkingar som er nødvendige for å finne ut om eleven treng spesialundervisning, og eventuelt kva opplæring eleven treng». Elevar og foreldre må samtykkje både til at det blir innhenta ei

sakkunnig vurdering, og til at det blir gjort vedtak om spesialundervisning.

For alle som har vedtak om spesialundervisning, skal det utarbeidast ein individuell opplæringsplan med mål, beskriving av innhald i og gjennomføring av opplæringa. Det skal også utarbeidast ein årleg rapport med oversikt over den opplæringa eleven har fått, og ei vurdering av utviklinga til eleven.

Det er to typar kompetansekrav for alle som skal undervise i skolen: (1) kompetansekrav for å kunne bli tilsett i undervisningsstilling og (2) krav om at lærarane må ha relevant kompetanse i faga dei skal undervise i. Dette følgjer av opplæringslova §§ 10-1 og 10-2. Personar som ikkje er tilsette i ei undervisningsstilling, såkalla assistenter, kan hjelpe til i opplæringa, sjá punkt 50.

Vedtaket om spesialundervisning kan gjere unntak frå kravet om relevant kompetanse i faget det skal undervisast i, men berre dersom behovet til eleven tilseier det, jf. § 5-5 tredje ledd. Bakgrunnen for unntaket er at det i nokre tilfelle er viktigare med ein annan kompetanse som er betre eigna til å gi eleven tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

### 25.2.3 Likestillings- og diskrimineringslova

Likestillings- og diskrimineringslova § 21 inneholder ein regel om rett til individuell tilrettelegging for elevar av lærerstad, undervisning, læremiddel og eksamen for å sikre likeverdige opplærings- og utdanningsmoglegheiter.

Etter § 21 andre ledd gjeld retten så langt han ikkje inneber ei «uforholdsmessig byrde». I denne vurderinga skal det særleg leggjast vekt på verknaden tilrettelegginga vil ha for å fjerne barrierar for personar med funksjonsnedsetjing, kostnadene ved tilrettelegginga og ressursane til verksamda. Det skal altså gjerast ei vurdering der dei positive verknadene av tilrettelegginga og kva som blir oppnådd for den enkelte, skal vegast mot belastninga tilrettelegginga medfører for den som er ansvarleg for tilrettelegginga, eller eventuelt andre personar. Utgangspunktet er at behova til den enkelte skal oppfyllast. Regelen i andre ledd skal vere ein sikringsventil, han skal ikkje tolkast for vidt, jf. Prop. 81 L (2016–2017), kap. 30, side 326.

Likestillings- og diskrimineringslova § 21 vil kunne overlappe med reglane i opplæringslova om spesialundervisning. Plikta til individuell tilrettelegging etter likestillings- og diskrimineringslova § 21 går ikkje lenger enn krava til tilrettelegging som følgjer av opplæringslova.

### 25.3 Høyningsforslaget

Departementet foreslo

- å vidareføre dagens regel om at elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning
- å innføre «individuelt tilrettelagd opplæring» som ny nemning på den delen av spesialundervisninga som dreier seg om opplæring
- å vidareføre at det i vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring kan gjerast unntak frå reglane om innhaldet i og organiseringa av opplæringa
- at personleg assistanse og fysisk tilrettelegging, som i dag kan inngå i spesialundervisning, blir skilde ut som separate rettar
- å presisere i paragrafen om fysisk tilrettelegging at denne retten inkluderer rett til opplæring i bruk av nødvendige hjelpemiddel
- å vidareføre kravet om at eleven eller foreldra må samtykkje før kommunen eller fylkeskommunen gjer ei sakkunnig vurdering, og før dei gjer vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring
- å vidareføre regelen om at eit tilbod om individuelt tilrettelagd opplæring skal utarbeidast i samråd med eleven og foreldra, og at det skal leggjast stor vekt på kva eleven og foreldra meiner
- å fjerne dagens lovregel om at eleven eller foreldra til eleven kan krevje at skolen gjer dei undersøkingane som er nødvendige for å finne ut av om eleven treng spesialundervisning, men å presisere i merknadene til reglane om individuell tilrettelegging at foreldre som meiner at barna deira ikkje får tilfredsstillande utbytte av opplæringa, kan krevje at kommunen i eit enkeltvedtak tek stilling til om eleven har rett til individuell tilrettelegging eller ikkje
- å vidareføre at lova skal regulere minimumskrav til innhaldet i den sakkunnige vurderinga
- å lovfeste at dersom eleven treng personleg assistanse eller fysisk tilrettelegging i tillegg til individuelt tilrettelagt opplæring, skal den sakkunnige vurderinga gi ei heilskapleg vurdering av kva for tilrettelegging eleven treng
- å lovfeste at den sakkunningar vurderinga skal ta stilling til kva kompetanse den som skal gi opplæringa, skal ha, dersom det skal gjerast unntak frå kompetansekrava
- å presisere i lova at det som hovudregel berre er personar som er tilsette i lærarstilling, som kan gi individuelt tilrettelagd opplæring

- å innføre ein regel om at personar med ei universitets- eller høgskoleutdanning som gjer dei særleg eigna til å vareta behovet til eleven, men som ikkje er lærarar, skal kunne gi individuelt tilrettelagd opplæring
- å vidareføre dagens reglar om individuell opplæringsplan og krav til årleg evaluering av den individuelt tilrettelagde opplæringa

Med dette forslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 31. Presiseringa i lova av at retten til fysisk tilrettelegging inkluderer rett til opplæring i bruk av nødvendige hjelpemiddel, skil seg frå forslaget til utvalet, der dette berre vart omtalt i merknaden til paragrafen.

## 25.4 Høyringsinstansanes syn

### 25.4.1 Endre nemninga spesialundervisning og dele opp dagens rett til spesialundervisning i tre rettar

Dei fleste av dei rundt 75 høyringsinstansane som har uttalt seg om forslaget om å endre nemning frå «spesialundervisning» til «individuelt tilrettelagd opplæring», «personleg assistanse» og «fysisk tilrettelegging» støttar forslaget, inkludert Statped, KS, Utdanningsforbundet, Norsk Lektorlag og fleire interesseorganisasjonar. Nokre få høyringsinstansar ønskjer å behalde dagens nemning eller har forslag til alternative nemningar.

Dei aller fleste høyringsinstansane som har uttalt seg om forslaget om å dele opp retten til spesialundervisning i tre separate rettar, støttar forslaget.

### 25.4.2 Individuelt tilrettelagd opplæring

Det er i underkant av 20 høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget til reglar om individuelt tilrettelagd opplæring. Departementet foreslo å vidareføre dagens regel om at elevar har rett til individuelt tilrettelagd opplæring dersom dei treng det for å få tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Departementet foreslo ikkje å stille krav i paragrafen til kva tilbodet om individuelt tilrettelagd opplæring skal og kan gå ut på. Det er delte meininger om forslaget. Fleirtalet av høyringsinstansane ønskjer at det kjem tydelegare fram kva eit tilbod om individuelt tilrettelagd opplæring skal gå ut på, i tråd med dagens § 5-1 andre ledd, inkludert Barneombodet, Statsforvaltaren i Rogaland, Statsforvaltaren i Oslo og Viken og Norsk Forbund for Utviklingshemmede.

*Statsforvaltaren i Rogaland* meiner at fleire element av dagens § 5-1 andre ledd må med i den nye regelen, inkludert retten til å få det same undervisningstimetalet som gjeld for andre elevar.

*Statsforvaltaren i Oslo og Viken* har liknande innspel og meiner erfaring frå tilsyn tilseier at regelen om individuelt tilrettelagd opplæring bør stille krav til innhaldet, omfanget og organiseringa av tilrettelegginga. Også andre høyringsinstansar meiner at heile eller deler av innhaldet i dagens § 5-1 andre ledd bør vidareførast i lova.

Enkelte høyringsinstansar støttar ikkje forslaget om å fjerne dagens regel om at eleven eller foreldra til eleven kan krevje at skolen gjer dei undersøkingane som er nødvendige for å finne ut av om eleven treng spesialundervisning, inkludert *Norsk Forbund for Utviklingshemmede* og *UNICEF Norge*. *Dysleksi Noreg* er svært kritiske til å fjerne dette frå lova og peikar i tillegg på at departementet ikkje følgde opp uttalen i høyringsnotatet om at det skulle presiserast i merknadene til regelen at foreldre som meiner at barna deira ikkje får tilfredsstillande utbytte av opplæringa, kan krevje at kommunen i eit enkeltvedtak tek stilling til om eleven har rett til individuell tilrettelegging eller ikkje.

Når det gjeld forslaget til regel om kva minimumselement som skal komme fram av den sakkunnige vurderinga, er mange positive til kravet om at det må gjerast greie for kva kompetanse den som skal gi individuelt tilrettelagd opplæring, skal ha dersom det skal gjerast unntak frå kompetansekrava. Elles er det litt ulike innspel til og ønske om nokre justeringar, sjølv om også fleire støttar departementets forslag fullt ut.

Når det gjeld forslaget om å vidareføre dagens regel om individuell opplæringsplan (IOP) og årleg evaluering av den individuelt tilrettelagde opplæringa, støttar dei aller fleste høyringsinstansane dette heilt eller delvis. Nokon ønskjer likevel hyppigare evalueringar, og enkelte foreslår å auke dette til to gonger i året. *Redd Barna* meiner det er positivt at det blir gjort ei årleg evaluering, men påpeikar at den individuelt tilrettelagde opplæringa bør følgjast opp jamleg og kontinuerleg, for å sikre god kvalitet på opplæringa og slik at eleven kan påverke korleis opplæringa blir gitt. *Halden kommune* har liknande innspel og meiner at eleven sin IOP skal vere eit dynamisk dokument som kan reviderast gjennom heile skoleåret, innanfor rammene gitt i vedtaket og tilrådingane i den sakkunnige vurderinga. *Foreldreutvalet for grunnopplæringa* meiner at krav om IOP også bør omfatte eventuell personleg assistanse og fysisk tilrettelegging. *Viken fylkeskommune* meiner det

bør komme fram av regelen at eleven skal involverast i arbeidet med IOP, og at skolen skal legge stor vekt på synet til eleven. *Troms og Finnmark fylkeskommune, Oslo kommune, Høgskolen i Innlandet og UNICEF Norge* har tilsvarande innspel.

Alle dei om lag 40 høyningsinstansane som har uttalt seg om forslaget om å presisere i lova at det som hovudregel berre er personar som er tilsette i lærarstilling, som skal gi individuelt tilrettelagd opplæring, støttar forslaget heilt eller delvis. KS støttar forslaget.

Dei aller fleste av dei om lag 60 høyningsinstansane som har uttalt seg om dette, støttar også forslaget om å innføre ein unntaksregel om at personar med ei universitets- eller høgskoleutdanning som gjer dei særleg eigna til å vareta behovet til eleven, skal kunne gi individuelt tilrettelagd opplæring, inkludert *Statsforvaltaren i Nordland, Likestillings- og diskrimineringsombodet*, fleire fylkeskommunar, mange kommunar, *Unge funksjonshemmede* og *Autismeforeningen i Norge*. *Narvik kommune* meiner det ikkje kjem fram av lovteksten om ein skal opne for moglegheita til å tilsetje desse i lærarstillingar. *Institutt for spesialpedagogikk ved Universitetet i Oslo* meiner dei alternative fagfolka har ei for snever rolle i lova, og at dette ikkje bør vere unntaket, men hovudregelen for mange, då personar med allmennlærarutdanning ikkje er dei rette til å gi opplæring til elevar med særskilde behov. *Sola kommune* er bekymra for om høyningsforslaget gir eit uheldig signal om at høgare utdanning er einaste veg til å lykkast med elevane. Kommunen påpeikar at han verdset kompetanse gjennom høgare utdanning, men at han ser ein tendens til at fagarbeidarutdanning blir snakka ned, og at til dømes ein barne- og ungdomsarbeidar kan ha mykje å bidra med for elevar som treng ekstra hjelp. *Fellesorganisasjonen (FO)* peikar på at departementet i beskrivinga av høyningsforslaget viser til mellom anna barnevernspedagogar og spesialpedagogar, men at vernepleiarar vil vere like relevante, då dei er godt kvalifiserte gjennom den unike helse- og sosialfaglege kompetansen sin og allereie i dag har ansvar for opplæringa til mange elevar med samansette utfordringar. *Barneombodet* meiner unntaket strekkjer seg for langt, og meiner oppgåva med å utforme til dømes spesifikk opplæringsmetodikk kan gjerast av andre med særskild kompetanse, men at ein lærar alltid må ha det overordna ansvaret for å planleggje, gjennomføre og evaluere den individuelt tilrettelagde opplæringa. *UNICEF Norge* støttar ikkje forslaget og reagerer på at personar som ikkje har undervisningskompetanse, skal kunne gi tilrettelagd opp-

læring til elevar som har særskilde behov, noko dei meiner bryt med krava i barnekonvensjonen artikkel 28 og 29.

*Hørselshemmedes Landsforbund* meiner at den som gir individuelt tilrettelagd opplæring, i tillegg bør ha relevant pedagogisk kompetanse om diagnosen til eleven, eller innhente slik kompetanse. *Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO)* har tilsvarande innspel.

#### 25.4.3 Personleg assistanse

Som beskrive i punkt 25.4.1 har forslaget om å lovfeste ein eigen paragraf om rett til personleg assistanse fått god tilslutning av høyningsinstansane. Fleire av høyningsinstansane som har uttalt seg om forslaget til reglar om personleg assistanse, meiner likevel at det i merknadene eller andre stader er behov for ei tydeleggjering av samanhangen med reglane i helse- og omsorgstenestelova om til dømes rett til brukarstyrt personleg assistanse (BPA).

#### 25.4.4 Fysisk tilrettelegging

Dei aller fleste høyningsinstansane som har uttalt seg om forslaget om å lovfeste at elevane har rett til dei tekniske hjelpemiddla og den fysiske tilrettelegginga dei treng for å kunne delta i opplæringa og få tilfredsstillande utbytte av opplæringa, støttar forslaget.

Dei rundt 15 høyningsinstansane som har uttalt seg om forslaget om at det i lova blir presisert at elevane også har rett til nødvendig opplæring i bruk av slike tilretteleggingstiltak, støttar forslaget heilt eller delvis. Enkelte meiner likevel at det bør lovfestast at også lærarane til dei elevane som treng fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel, får nødvendig opplæring i dei aktuelle tilretteleggingstiltaka. Det har også komme innspel om at også medelelevane og foreldra til desse elevane bør få slik opplæring.

### 25.5 Departementets vurdering

#### 25.5.1 Endre nemninga spesialundervisning og dele opp dagens rett til spesialundervisning i tre rettar

Departementet foreslår å endre nemning frå «spesialundervisning» til «individuelt tilrettelagd opplæring», «personleg assistanse» og «fysisk tilrettelegging». Som opplæringslovutvalet påpeika, kan nemninga «spesialundervisning» opplevast som stigmatiserande og bidra til ekskludering. Nem-

ninga «spesialundervisning» gir heller ikkje ei treffande beskriving av innhaldet i retten. Eit stort fleirtal av høyringsinstansane støttar å endre nemninga, og dei aller fleste støttar forslaget om å endre nemning for den delen av spesialundervisninga som dreier seg om opplæring til «individuelt tilrettelagd opplæring». Departementet gjer merksam på at nemninga «individuell tilrettelegging» også er brukt i likestillings- og diskrimineringslova. Retten til individuell tilrettelegging etter likestillings- og diskrimineringslova § 21 vil som vist i punkt 25.2.3 kunne overlappa med retten til individuelt tilrettelagd opplæring, personleg assistanse og fysisk tilrettelegging etter opplæringslova, men reglane er ikkje innretta på nøyaktig same måten og har ikkje heilt likt innhald og formål.

Departementet foreslår å dele opp dagens rett til spesialundervisning i tre reglar, nemleg rett til «individuelt tilrettelagd opplæring», rett til «personleg assistanse» og rett til «fysisk tilrettelegging». Tiltak som inneber personleg assistanse eller fysisk tilrettelegging, er ein føresetnad for at elevane får utbytte av opplæringa, men er ikkje nødvendigvis direkte knytt til opplæringa i fag eller mål i den overordna delen av læreplanverket. Den foreslalte tredelinga kan bidra til at det blir eit klarare skilje enn i dag mellom kva tilrettelegging som er knytt til måla for opplæringa, og kva som ikkje er det. Departementet meiner at tredelinga kan gjere det meir oversiktleg for skolane når dei skal oppfylle kompetansekrava, fordi det blir tydelegare kva delar av dagens spesialundervisning som er oppgåver som dreier seg om personleg assistanse, og som andre enn lærarar kan utføre. Departementet understrekar likevel at for elevar som treng ein kombinasjon av ulike former for tilrettelegging, er det ein føresetnad for å oppfylle retten til elevane at skolen vurderer tilretteleggingsformene i samanheng, slik at eleven får eit heilskapleg tilbod.

### **25.5.2 Individuelt tilrettelagd opplæring**

*Kven som skal ha rett til individuelt tilrettelagd opplæring*

Departementet foreslår å vidareføre dagens reglar om kven som skal ha rett til individuelt tilrettelagd opplæring, sjå forslaget til § 11-6 første ledd. I dagens lov er terskelen for å ha rett til spesialundervisning at eleven ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av ordinær opplæring. Enkelte høyringsinstansar meiner at det bør vere tydelegare kriterium i lova knytt til kva omgrepet «tilfredsstillande utbytte» inneber.

Om utbyttet av opplæringa er tilfredsstillande for ein elev, er ei konkret og fagleg-pedagogisk vurdering ut frå kva behov og føresetnader eleven har. Kva som ligg i tilfredsstillande utbytte, er omtalt i forarbeida til dagens regel, jf. Ot.prp. nr. 46 (1997–98) *Om lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*, kapittel 31. Departementet foreslår å halda fram med denne terskelen. Departementet viser til presiseringane i merknadene til § 11-6. Når det gjeld elevar med stort potensial for læring, viser departementet til vurderingane i punkt 24.5.6.

*Om det bør stå i lova kva tilboden om individuelt tilrettelagd opplæring skal gå ut på*

Departementet foreslår å i hovudsak vidareføre dagens presisering om innhaldet i den individuelt tilrettelagde opplæringa, sjå forslaget til § 11-6 andre ledd. Dagens regel om rett til spesialundervisning seier dette om kva tilboden skal gå ut på i § 5-1 andre ledd:

I vurderinga av kva for opplæringstilbod som skal givast, skal det særleg leggjast vekt på utviklingsutsiktene til eleven. Opplæringstilboden skal ha eit slikt innhald at det samla tilboden kan gi eleven eit forsvarleg utbytte av opplæringa i forhold til andre elevar og i forhold til dei opplæringsmåla som er realistiske for eleven. Elevar som får spesialundervisning, skal ha det same totale undervisningstimetalet som gjeld andre elevar, jf. § 2-2 og § 3-2.

I høyringsforslaget foreslo departementet, i tråd med forslaget frå opplæringslovutvalet, å ikkje vidareføre dagens § 5-1 andre ledd. Departementet grunngav dette med at forslaget til § 11-8 slår fast at den sakkunnige vurderinga mellom anna skal greie ut om kva som er realistiske opplæringsmål for eleven, og kva tiltak som kan gi eleven tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Vidare foreslo departementet i høyringa å presisere i merknadene til regelen at den individuelt tilrettelagde opplæringa skal vere inkluderande, og at opplæringa skal gi eleven eit samla opplæringsstilbod som er likeverdig med den opplæringa som blir gitt andre elevar.

Basert på innspela i høyringa foreslår departementet likevel å vidareføre det meste av innhaldet i dagens § 5-1 andre ledd. Sjølv om andre reglar i høyringsforslaget i ein viss grad set opp rammer for den individuelt tilrettelagde opplæringa, ser departementet at det kan vere tenleg å ha nokre tydelegare kriterium i lova om kva tilboden skal gå

ut på. Dette vil gi kommunen klarare rammar, i tillegg til at det vil gjere det meir føreseieleg for elevere og foreldra kva slags tilbod dei kan forvente.

Departementet ser likevel ikkje grunn til å vidareføre regelen om at elevar som får spesialundervisning, skal ha det same totale undervisnings-timetalet som gjeld andre elevar. Dette vil vere ei dobbeltregulering sidan det ikkje er gjort unntak for dei som får spesialundervisning frå dei generelle reglane i kapittel 1 i lovforslaget, der det står at departementet skal gi forskrift om kor mange timer med opplæring elevane skal ha, og korleis timane skal fordelast mellom trinn og mellom fag.

### *Samarbeid og medvirkning*

Departementet foreslår å vidareføre kravet om at eleven eller foreldra må samtykke før kommunen eller fylkeskommunen gjer ei sakkunnig vurdering, og før dei gjer vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring. Departementet foreslår også å vidareføre regelen om at eit tilbod om individuelt tilrettelagt opplæring skal utarbeidast i samråd med eleven og foreldra, og at det skal leggjast stor vekt på kva eleven og foreldra meiner. Sjå forslaget til § 11-7 tredje ledd

Departementet foreslår å fjerne dagens lovregel om at eleven eller foreldra til eleven kan krevje at skolen gjer dei undersøkingane som er nødvendige for å finne ut om eleven treng spesialundervisning.

Departementet meiner forslaget til § 11-2 som gir reglar om pliktene til skolen for å sikre at elever får tilfredsstillande utbytte av opplæringa, saman med forslaga til regulering av plikta skolen har til å samarbeida med foreldra i § 10-3, og retten elevane har til å medverke i § 10-2, gjer at dette omsynet er tilstrekkeleg dekt i lovforslaget. Departementet viser også til merknadene til § 11-7 som presiserer at det følgjer av samanhengen i regelverket at foreldre som meiner at barna deira ikkje får tilfredsstillande utbytte av opplæringa, kan krevje at kommunen i eit enkeltvedtak tar stilling til om eleven har rett til individuell tilrettelegging eller ikkje.

### *Kva den sakkunnige vurderinga skal innehalde*

Departementet foreslår å vidareføre kravet om sakkunnig vurdering frå den pedagogisk-psykologiske tenesta før kommunen eller fylkeskommunen gjer vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring. Sjå forslaget til § 11-7 første ledd og omtalen i punkt 27. Departementet foreslår å lovfeste at ei

sakkunnig vurdering som eit minimum skal innehalde desse opplysningane og vurderingane:

- a. eleven sitt utbytte av opplæringa
- b. kvifor eleven eventuelt ikkje har, eller ikkje kan få, tilfredsstillande utbytte av opplæringa
- c. kva som er realistiske opplæringsmål for eleven
- d. kva tiltak som kan gi eleven eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa
- e. kva kompetanse dei som skal gi opplæringa, bør ha, dersom det skal gjerast unntak frå kompetansekrava etter § 11-9 andre og tredje ledd

Sjå forslaget til § 11-8. Bokstav a til d er i hovudsak ei vidareføring av opplistinga i dagens lov § 5-3. Dagens regel inneheld i tillegg krav om at den sakkunnige vurderinga skal ta stilling til «lærevanskar hjå eleven og andre særlege forhold som er viktige for opplæringa». Departementet meiner at dette vil vere dekt av forslaget til punkt b om kvifor eleven eventuelt ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Departementet tok med punkt e i høyringa for å presisere at det i den sakkunnige vurderinga skal komme fram kva slags kompetanse den som skal gi opplæringa, skal ha, dersom det blir gjort unntak frå kompetansekrava. Forslaget om ta inn bokstav e har fått god støtte i høyringa. På grunn av presiseringa i forslaget til § 11-9 andre og tredje ledd om at det er to alternative unntaksreglar frå krava til kompetanse, sjå vurderingane under, foreslår departementet at § 11-8 bokstav e visar til begge unntaksalternativa. Sidan det er kommunen og fylkeskommunen som gjer vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring og også avgjer om det skal gjerast unntak etter § 11-9 andre eller tredje ledd, foreslår departementet at det står at den sakkunnige vurderinga skal innehalde ei vurdering av kva kompetanse dei som skal gi opplæringa i så fall *bør* ha, i motsetnad til i høyringa hvor det stod «må ha».

I konsultasjonar mellom Sametinget og departementet har Sametinget fremja at det samiske perspektivet ikkje blir varetatt godt nok. Sametinget har vist til at manglande kultur- og språkkunnskapar hos den pedagogisk-psykologiske tenesta (PP-tenesta) kan føre til feilvurdering av eleven. Sametinget har derfor foreslått å leggje til ein bokstav f i forslaget til § 11-8: «f. hensynet til elevens språklege og kulturelle bakgrunn». Departementet har ikkje imøtekome Sametingets forslag i konsultasjonane. Departementet understrekar at det er viktig at ein i samanheng med den sakkunnige vurderinga tar omsyn til den språklege og kultu-

relle bakgrunnen til eleven, men meiner at dette blir varetatt av dei foreslårte reglane.

#### *Individuell opplæringsplan og årleg vurdering av utviklinga til eleven*

Departementet foreslår å vidareføre plikta skolen har til å utarbeide ein individuell opplæringsplan for elevar som har vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring, og til årleg å vurdere utviklinga til eleven opp mot måla i den individuelle opplæringsplanen. Sjå forslaget til §§ 11-10 og 11-11. Enkelte høyringsinstansar ønskjer hyppigare vurderingar, til dømes kvart halvår. Kravet om å utarbeide årleg oversikt over den opplæringa eleven har fått, og gi ei årleg vurdering av utviklinga til eleven, vart innført i 2013. Målet var å redusere rapporteringsbyrda og byråkratiet i skolen. Før dette var det krav om halvårleg rapportering og evaluering.

Enkelte høyringsinstansar påpeikar at individuelt tilrettelagd opplæring bør følgjast opp jamleg og kontinuerleg, og at den individuelle opplæringsplanen bør vere eit dynamisk dokument. Departementet understrekar at krava til undervegsverdning gjeld fullt ut også for elevar som får individuelt tilrettelagd opplæring, og departementet meiner at reglane om undervegsverdning, i kombinasjon med årleg evaluering av den individuelle opplæringsplanen, vil sikre ei løpende oppfølging av læringsutviklinga og læringsutbytte til elevane.

#### *Kompetansekrav for å gi individuelt tilrettelagd opplæring*

Departementet foreslår å gjere tydeleg i lova at dei som skal gi individuelt tilrettelagd opplæring, i utgangspunktet må oppfylle krava for å bli tilsett i lærarstilling og krava til relevant kompetanse i undervisningsfaget. Sjå forslag til § 11-9 første ledd. Det var stor støtte til dette forslaget i høyringa. Departementet meiner at presiseringa vil bidra til å følgje opp CRPD-komiteens avsluttende merknader til Norges første rapport, frå 7. mai 2019, om implementeringa av konvensjonen.

Departementet foreslår å vidareføre dagens høve til å gjere unntak frå kravet om at lærarane må ha relevant kompetanse i faga dei skal undervisa i, dersom ei konkret vurdering av eleven og den individuelt tilrettelagde opplæringa som skal givast, tilseier det. Sjå forslag til § 11-9 tredje ledd.

I høyringa gav departementet si tilslutning til forslaget frå opplæringslovutvalet om unntaksreglar frå krava til kompetanse for å gi individuelt til-

rettelagd opplæring. Utvalet foreslo å innføre ein regel om at personar med ei universitets- eller høgskoleutdanning som gjer dei særleg eigna til å vareta behovet til eleven, men som ikkje er lærarar, skal kunne gi individuelt tilrettelagd opplæring. Det er uklart om utvalet meinte at dagens regel som gjer det mogleg å gjere unntak frå kravet til relevant kompetanse i undervisningsfag for lærarar, skulle førast vidare i tillegg.

Som beskrive i punktet om dagens reglar, er det to typar kompetansekrav for dei som skal undervise i skolen: (1) kompetansekrav for å kunne bli tilsett i undervisningsstilling og (2) krav om at lærarane må ha relevant kompetanse i fag dei skal undervise i. I dag er det ein regel i § 5-5 tredje ledd som gir moglegheit for unntak frå kravet i (2) for dei som gir spesialundervisning. Unntaksregelen går ut på at kommunen eller fylkeskommunen i vedtaket om spesialundervisning kan gjere unntak frå kravet om relevant kompetanse i faget for dei som er tilsette i undervisningsstilling, dersom ei konkret vurdering av eleven og den spesialundervisninga som skal bli gitt, tilseier det. Bakgrunnen for unntaket er mellom anna at det i nokre tilfelle er viktigare med ein annan kompetanse som er betre eigna til å gi eleven tilfredsstillende utbytte av opplæringa. I forarbeida til dagens regel i § 5-5 tredje ledd står det i Prop. 84 L (2011–2012):

Enkelte av elevane kan dessutan ha særlege behov for tryggleik og stabilitet som gjer at dei så langt mogleg bør bli følgde tett av same lærar, sjølv om det skulle innebere at krava til undervisningskompetanse ikkje blir følgde fullt ut i alle dei aktuelle faga.

Dagens regel kan til dømes brukast for lærarar på barnetrinnet som skal gi individuelt tilrettelagd opplæring, men som ikkje har minst 30 studiepoeng som er relevant for matematikkfaget, jf. kravet i § 14-2 tredje ledd i forskrift til opplæringslova. Som påpeika over kan det berre gjerast unntak frå kravet om relevant kompetanse i faget, men det kan ikkje gjerast unntak frå kompetansekrav for å kunne bli tilsett i undervisningsstilling. Unntaksregelen kan derfor ikkje brukast til å la til dømes audiopedagogar, logopedar eller barneværnspedagogar gi individuelt tilrettelagd opplæring. Departementet foreslår å vidareføre dagens unntaksmøglegheit.

Departementet foreslår vidare å innføre ein ny regel om at det kan gjerast unntak frå både (1) kompetansekrav for å kunne bli tilsett i undervisningsstilling og (2) krav om at lærarane må ha

relevant kompetanse i faga dei skal undervise i, dersom personen som skal undervise, har ei universitets- eller høgskoleutdanning som gjer hen særleg eigna til å vareta behovet til eleven. Dette er i samsvar med forslaget opplæringslovutvalet la fram. Unntaket er meint for dei som ikkje fyller krava for å tilsetjast i undervisningsstilling, men som har anna høgare relevant utdanning, til dømes ein audiopedagog, logoped, psykolog eller barnevernspedagog.

Departementet viser til at forslaget har fått støtte av dei aller fleste som har uttalt seg. Departementet meiner at forslaget gir eit balansert høve til å la andre yrkesgrupper enn formelt kvalifiserte lærarar gi individuelt tilrettelagd opplæring, og at dei som har ein annan utdanningsbakgrunn enn nemnd i unntaksregelen, uansett kan tilsetjast i skolen i andre stillingar enn i undervisningsstilling. Når det gjeld innspela om at unntaket går for langt, viser departementet til at eit unntak frå kompetansekrava berre kan gjerast dersom det vil gi eleven betre opplæring. Det er vidare eit vilkår for å gjere unntak at den som skal gi opplæringa, har ei utdanning som gjer hen særleg eigna til å vareta behovet til eleven.

Departementet foreslår å gjere tydeleg unntaksmoglegheitene, ved at dei to unntaksalternativa kjem fram av kvart sitt ledd i paragrafen, sjå forslaget til § 11-9 andre og tredje ledd.

### 25.5.3 Personleg assistanse

Departementet foreslår å lovfeste at elevane har rett til personleg assistanse dersom dei treng det for å kunne delta i opplæringa og ha tilfredsstilende utbytte av opplæringa, sjå forslaget til § 11-4. Forslaget inneber ei vidareføring av dagens reglar, der personleg assistanse kan inngå som tiltak i eit vedtak om spesialundervisning.

Dei aller fleste høyringsinstansane som har uttalt seg om dette, støttar forslaget. Når det gjeld innspela om at det er behov for ei tydeleggjering av samanhengen med reglane i helse- og omsorgstenestelova, peikar departementet på at opplæringslovutvalet gjorde greie for dette i punkt 31.3.4 om *Forholdet mellom spesialundervisning og helse- og omsorgstjenester* i NOU 2019: 23. Departementet vil vurdere om det er behov for meir veiledning om dette.

### 25.5.4 Fysisk tilrettelegging

Departementet foreslår å lovfeste at elevane har rett til dei tekniske hjelpemiddla og den fysiske tilrettelegginga dei treng for å kunne delta i opplæ-

ringa og få tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Forslaget inneber ei vidareføring av dagens reglar, der tekniske hjelpemiddel og fysisk tilrettelegging kan inngå som tiltak i eit vedtak om spesialundervisning. Forslaget inneber også ein rett til opplæring i bruk av nødvendige hjelpemiddel. Sjå forslaget til § 11-5 første ledd.

Ei utviding av retten til opplæring i bruk av nødvendige hjelpemiddel til å gjelde foreldre, lærarar og klassekameratar må eventuelt greia ut, noko som ikkje er gjort. Dersom det er ein føresetnad for opplæringa at læraren har kunnskap i bruk av tilretteleggingstiltak, meiner departementet at dette uansett vil dekkjast av ansvaret som kommunane og fylkeskommunen har for å ha den rette og nødvendige kompetansen i skolen, jf. forslaget til § 17-1.

## 25.6 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å vidareføre dagens regel om at elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning, sjå forslaget til § 11-6 første ledd
- å innføre «individuelt tilrettelagd opplæring» som ny nemning på den delen av dagens spesialundervisning som dreier seg om opplæring
- i hovudsak å vidareføre ein lovregel som beskriv rammene for kva tilbodet om individuelt tilrettelagd opplæring skal gå ut på, sjå forslaget til § 11-6 andre ledd
- å vidareføre at det i vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring kan gjerast unntak frå reglane om innhaldet i og organiseringa av opplæringa, sjå forslag til § 11-7 andre ledd tredje punktum
- at personleg assistanse og fysisk tilrettelegging, som i dag kan inngå i spesialundervisning, blir skilde ut som separate rettar, sjå forslaga til §§ 11-4 og 11-5
- å presisere i paragrafen om fysisk tilrettelegging at denne retten inkluderer rett til opplæring i bruk av nødvendige hjelpemiddel, sjå forslaget til § 11-5 første ledd andre punktum
- å vidareføre kravet om at eleven eller foreldra må samtykkje før kommunen eller fylkeskommunen gjer ei sakunnig vurdering, og før dei gjer vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring, sjå forslaget til § 11-7 tredje ledd første punktum
- å vidareføre regelen om at eit tilbod om individuelt tilrettelagd opplæring skal utarbeidast i

samråd med eleven og foreldra, og at det skal leggjast stor vekt på kva eleven og foreldra meiner, sjå forslaget til § 11-7 tredje ledd andre punktum

- å fjerne dagens lovregel om at eleven eller foreldra til eleven kan krevje at skolen gjer dei undersøkingane som er nødvendige for å finne ut av om eleven treng spesialundervisning, men å presisere at det følgjer av samanhengen i regelverket at foreldre som meiner at barna deira ikkje får tilfredsstillande utbytte av opplæringa, kan krevje at kommunen i eit enkeltvedtak tar stilling til om eleven har rett til individuell tilrettelegging eller ikkje
- å vidareføre at lova skal regulere minimumskrav til innhaldet i den sakkunnige vurderinga, sjå forslaget til § 11-8
- å lovfeste at dersom eleven treng personleg assistanse eller fysisk tilrettelegging i tillegg til individuelt tilrettelagd opplæring, skal den sakkunnige vurderinga gi ei heilskapleg vurdering av kva for tilrettelegging eleven treng sjå forslaget til § 11-7 første ledd tredje punktum
- å lovfeste at den sakkunninge vurderinga skal ta stilling til kva kompetanse den som skal gi opplæringa, bør ha, sjå forslaget til § 11-8 bokstav e

- å presisere i lova at dei som skal gi individuelt tilrettelagd opplæring, må oppfylle (1) kompetansekrava for å bli tilsett i lærarstilling og (2) kompetansekrava for å undervise i dei enkelte faga, sjå forslaget til § 11-9 første ledd
- å vidareføre dagens moglegheit til å gjere unntak frå kravet om at lærarane må ha relevant kompetanse i faga dei skal undervise i i vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring, dersom ei konkret vurdering av eleven og den individuelt tilrettelagde opplæringa som skal givast, tilseier det, sjå forslaget til § 11-9 tredje ledd
- å i tillegg innføre ein ny regel om at det kan gjera rast unntak frå både (1) kompetansekrav for å kunne bli tilsett i undervisningsstilling og (2) krav om at lærarane må ha relevant kompetanse i faga dei skal undervise i, dersom personen som skal undervise, har ei universitets- eller høgskoleutdanning som gjer hen særleg eigna til å vareta behovet til eleven, sjå forslaget til § 11-9 andre ledd.
- å vidareføre dagens regel om individuell opplæringsplan og kravet om årleg evaluering av den individuelt tilrettelagde opplæringa, sjå forslaget til §§ 11-10 og 11-11

## **26 Alternativ og supplerande kommunikasjon**

### **26.1 Innleiing**

Dette punktet handlar om alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK). Elevar som heilt eller delvis manglar funksjonell tale, har behov for å bruke andre uttrykksformer og kommunikasjonsmåtar. ASK er eit mangfaldig sett av kommunikasjonsmåtar og ei fellesnemning for ulike måtar å kommunisere på. Døme på kommunikasjonsformer er å bruke handteikn, fotografiar, grafiske symbol, konkrete handlingar og kroppslege uttrykk. Døme på kommunikasjonsmiddel er kommunikasjonsbøker, tematavler og talemaskiner.

Bruk og opplæring i ASK for vaksne er omtalt i punkt 43.17.

### **26.2 Dagens reglar**

#### **26.2.1 Opplæringslova**

Elevar i grunnskolen som heilt eller delvis manglar tale, og som derfor har behov for å uttrykkje seg gjennom alternative eller supplerande uttrykksformer, skal få nytte eigna kommunikasjonsformer og nødvendige kommunikasjonsmiddelet i opplæringa, jf. opplæringslova § 2-16 første ledd. Regelen presiserer retten grunnskoleelevar har til å bruke ASK som erstatning for eller støtte for talen i opplæringa. Den same retten gjeld for elevar, lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar i vidaregående opplæring, jf. opplæringslova § 3-13, og vaksne med rett til grunnopp-læring, jf. opplæringslova § 4A-13.

I opplæringslova § 2-16 andre ledd er det presisert at elevar som har rett til spesialundervisning, også har rett til å få nødvendig opplæring i å bruke ASK. Kva som er nødvendig opplæring, må vurderast konkret ut frå kva som vil gi eleven eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Enkelte barn og unge som har behov for ASK, vil ikkje nødvendigvis ha behov for spesialundervisning. Elevar som bruker ASK, er ei svært ueinsarta gruppe med ulike føresetnader og behov. Retten til spesialundervisning er berre aktuell når skolen ikkje klarer å tilpassa den ordinære opplæringa

slik at eleven kan få eit tilfredsstillande utbytte av ho.

Paragrafane om ASK presiserer og synleggjer det som følgjer av reglane i opplæringslova om tilpassa opplæring etter § 1-3 og spesialundervisning etter § 5-1. Det skal ikkje gjerast enkeltvedtak etter reglane om ASK. Enkeltvedtak om bruk av og opplæring i ASK kan gjerast etter opplæringslova § 5-1 om spesialundervisning eller etter § 9 A-7 tredje ledd om tilrettelegging av arbeidsplassen, som kan omfatte fysisk tilrettelegging for elevar som har behov for å bruke ASK.

#### **26.2.2 Andre regelverk**

Det følgjer av FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD) artikkel 24 at

3. Partene skal gjøre det mulig for mennesker med nedsatt funksjonsevne å lære praktiske og sosiale ferdigheter slik at de lettare kan delta fullt ut i undervisningen på lik linje med andre, og som medlemmer av samfunnet. For dette formål skal partene treffen hensiktsmessige tiltak, herunder:
  - a) å legge til rette for innlæring av punktskrift, alternativ skrift, alternative og supplerende kommunikasjonsformer, -midler og -formater, orienterings- og mobilitetsferdigheter, samt legge til rette for likemannsarbeid og mentorvirksomhet, [...]

Elevar har også rett til fysisk tilrettelegging av lærestad, undervisning, læremidlar og eksamen etter likestillings- og diskrimineringslova § 21, sjå omtalen i punkt 25.2.3 over.

### **26.3 Høyringsforslaget**

I høyringa foreslo departementet å vidareføre dagens reglar om ASK i opplæringslova.

Med dette høyringsforslaget følgde departementet ikkje opp forslaget frå opplæringslovutva-

let i NOU 2019: 23, kapittel 31 om å ta ut reglane om ASK frå opplæringslova.

## 26.4 Høyringsinstansanes syn

Det er 31 høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget om å vidareføre reglane om ASK i opplæringslova. Av desse er det 30 som støttar forslaget, mellom anna *Barneombodet*, *Statsforvaltaren i Innlandet*, *Statsforvaltaren i Oslo og Viken*, *Statped*, ei rekke kommunar, *Elevorganisasjonen* og *ISAAC Noreg*. *Bærum kommune* støttar ikkje forslaget og viser til forslaget frå opplæringslovutvalet om å ikkje vidareføre reglane om ASK.

Fleire av instansane som støttar forslaget, ønskjer endå sterkare rettar for elevar som bruker ASK, og kjem med fleire forslag til endringar. Til dømes meiner mellom anna *Autismeforeningen* og *Cerebral Parese-Foreningen* at ASK bør utgjere ein rett i form av eit enkeltvedtak med klagerett. Autismeforeningen viser til at det no ligg føre ein rapport frå Utdanningsdirektoratet og Statped, *Oppdrag 2021-019 – Om utredning av behov for tilleggstimer for elever som benytter alternativ og supplerende kommunikasjon (ASK) i grunnopplæringen*, der det blir tilrådd innføring av tilleggstimar for elevar med behov for ASK og meiner at dette bør bli innarbeidd i lovforslaget. Også *Norsk forbund for utviklingshemmede* kommenterer dette og meiner at det ikkje er grunn til å skilje mellom teiknspråk og ASK når det gjeld rett til tilleggstimar til opplæring.

Det er også innspel knytte til plasseringa av reglane om ASK i lova. *Cerebral Parese-foreningen* meiner til dømes at reglane bør flyttast til kapitla om skriftspråk og språkrettar.

## 26.5 Departementets vurdering

### 26.5.1 Innhaldet i reglane om ASK

Departementet foreslår å vidareføre reglane om ASK i den nye opplæringslova, sjá forslaget til § 11-12. Første ledd i paragrafen presiserer at elevar som treng alternativ og supplerande kommunikasjon, skal få bruke eigna kommunikasjonsformer og nødvendige kommunikasjonsmiddel i opplæringa. Det same gjeld for dei som har læretid i bedrift.

ASK er for enkelte elevar ein føresetnad for at dei kan lære og utvikle seg i undervisningsfaga og ferdighetene dei får opplæring i. Det same gjeld for ASK-brukarar som får opplæring i bedrift. For at personar som har behov for ASK, skal kunne

uttrykkje seg utan funksjonelt talespråk, er dei avhengige av å få opplæring i kommunikasjonsformer som er tilpassa behova, nivået deira og andre føresetnader dei har.

Dersom eleven eller lærekandidaten treng spesialundervisning, er det presisert i dagens reglar at slik undervisning inkluderer nødvendig opplæring i å bruke alternativ og supplerande kommunikasjon. Andre som får opplæring i bedrift, har ikkje rett til spesialundervisning. Slik reglane om ASK er utforma i dag, går det likevel ikkje tydeleg fram om eleven og lærekandidaten har krav på opplæring i å bruke ASK som ein del av undervisningsfaga.

Departementet meiner at opplæring i bruk av ASK ikkje må føresetje at det er dokumentert eit behov for individuelt tilrettelagd opplæring i fag, men at elevar og lærekandidatar, også kan ha rett til slik opplæring uavhengig av om hen har rett til individuell tilrettelegging. Departementet foreslår å få dette tydeleg fram i § 11-12 andre ledd. Sidan retten til individuell tilrettelegging av opplæringa ikkje gjeld for andre som har læretid i bedrift, gjeld retten til opplæring i bruk av ASK berre for lærekandidatar i tillegg til elevar.

Dei som bruker ASK, kan ha behov for ulike hjelpemiddel for å kunne kommunisere effektivt med andre, mellom anna lærarar og medelevarar. Retten til fysisk tilrettelegging i form av tekniske hjelpemiddel inngår i forslaget til reglar om fysisk tilrettelegging, sjá punkt 25.

Det er verd å merke seg at innhaldet i reglane om ASK allereie vil følgje av forslaget til nye reglar om tilpassa opplæring, individuelt tilrettelagd opplæring, fysisk tilrettelegging og personleg assistanse. Dei særskilde reglane om ASK gir dermed ingen fleire rettar enn det som finst andre stader i lova.

Departementet legg likevel stor vekt på at det er viktig for brukargruppene som reglane gjeld for, at retten til å bruke ASK blir vidareført i eigne paragrafar. Departementet legg også vekt på at paragrafane om ASK er relativt nye i opplæringslova (2012), og at ein eigen paragraf om ASK vart teken inn i barnehagelova i 2018. Å fjerne desse paragrafane frå opplæringslova no kan derfor verke ulogisk og sende uheldige signal om betydninga av ASK. Departementet foreslår derfor å vidareføre reglane.

Departementet foreslår at paragrafen om ASK for elevar og dei som har læretid i bedrift skal stå i kapittel 11 *Tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging* ettersom reglane er ei presisering av rettane som følger av reglane om tilpassa opplæring, individuelt tilrettelagd opplæring, fysisk til-

rettelegging og personleg assistanse som også er plassert i dette kapitlet.

### **26.5.2 Vidare utgreiing om tilleggstimar til opplæring i ASK**

I Oppdragsbrev 2021-019 *Om utredning av behov for tilleggstimer for elever som benytter alternativ og supplerende kommunikasjon (ASK) i grunnopplæringen* vart Utdanningsdirektoratet og Statped bedne om å greia ut om det er behov for tilleggstimar for opplæring i ASK på lik linje med opplæring i punktskrift. Utdanningsdirektoratet og Statped svarte på oppdraget 1. oktober 2021. I svaret står det mellom anna:

Det foreligger flere faglige grunner for å gi tilleggstimar til elever som bruker ASK, på lik linje som elever som er blinde og svaksynte. ASK er først og fremst avgjørende for at elevene skal kunne kommunisere og for å kunne utvikle seg. Elevene har behov for et språkmiljø der de kan lære, delta og utnytte sitt læringspotensial. Fellesnevneren for elever som må lære punktskrift og ASK, er at det er behov for spesifikk kompetanse for å kunne gi opplæring i en spesialisert form for kommunikasjon. Elever med behov for ASK har behov for opplæring i en eller flere kommunikasjonsform(er) som erstatter eller støtter talen. Det

kan også være behov for opplæring i et kommunikasjonsmiddel. Det vurderes at behovene for spesialisert opplæring gjelder for begge elevgrupper, men at innholdet og formen på opplæringen vil være svært forskjellig.

Utdanningsdirektoratet og Statped peikar mellom anna på at det vil vere utfordringar med å få tilstrekkeleg med pedagogisk personale med formell og uformell kompetanse i ASK dersom det skal innførast ein rett til tilleggstimar til opplæring i ASK.

Departementet meiner at det kan vere gode grunnar til å innføre tilleggstimar for elevar som bruker ASK. Det er likevel fleire spørsmål som må vurderast og greiast nærmare ut før det eventuelt blir innført ein slik rett i opplæringslova. Det må mellom anna vurderast om og eventuelt korleis retten skal avgrensast, korleis ein skal få tilstrekkeleg med pedagogisk personale som har kompetanse, og dei økonomiske og administrative konsekvensane.

### **26.6 Departementets forslag**

---

Departementet foreslår å videreføre dagens reglar om ASK i opplæringslova, sjå forslaget til §§ 11-12 og 19-7.

## 27 Pedagogisk-psykologisk teneste

### 27.1 Innleiing

Dette punktet handlar om mandatet og oppgåvene til den pedagogisk-psykologiske tenesta (PP-tenesta). PP-tenesta hjelper barnehagar og skolar i å leggje til rette det pedagogiske tilbodet for barn og elevar med ulike behov for tilrettelegging, og utarbeider sakkunnige vurderingar der lova krev det. Punktet tek også spesielt for seg i kva tilfelle det bør lovfestast krav om sakkunnig vurdering frå PP-tenesta før det blir gjort vedtak.

### 27.2 Dagens reglar

Det følgjer av opplæringslova § 5-6 første ledd at alle kommunar og fylkeskommunar skal ha ei PP-teneste. Tenesta skal hjelpe skolane med å utvikle kompetansen og organisasjonen slik at opplæringa for elevar med særskilde behov blir best mogleg, jf. § 5-6 andre ledd første punktum. I tillegg skal tenesta sørge for at det blir utarbeidd sakkunnige vurderingar når opplæringslova krev det, jf. § 5-6 andre ledd andre punktum. Etter opplæringslova skal PP-tenesta utarbeide ei sakkunnig vurdering før kommunane eller fylkeskommunane gjer vedtak om

- spesialundervisning, jf. § 5-3 første ledd
- tidleg eller utsett skolestart, jf. § 2-1 tredje ledd
- fritak frå opplæringsplikta, jf. § 2-1 fjerde ledd andre punktum
- utvida opplæringstid i vidaregåande opplæring, jf. § 3-1 femte ledd
- opplæring i og på norsk teiknspråk, jf. §§ 2-6 og 3-9
- opplæring i punktskrift, tekniske hjelpemiddel og mobilitet, jf. §§ 2-14 og 3-10

I opplæringslova § 4-2 fjerde ledd står det at læringsar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar skal ha same tilgang på PP-tenesta som elevar i vidaregåande skole. Det er uklart kva denne regelen inneber og om den gir konkrete plikter for PP-tenesta. Lærekandidatar har rett til spesialundervisning etter reglane i opplæringslova kapittel 5, jf. opplæringslova § 4-2 femte ledd. I forskrift til opp-

læringslova er det også eigne reglar om sakkunnige vurderingar for tilrettelegging på fag- og sveineprøven.

### 27.3 Høyningsforslaget

Departementet foreslo

- å vidareføre kravet om at kvar kommune og fylkeskommune skal ha ei PP-teneste
- å vidareføre og gjere tydeleg i lova at PP-tenesta skal hjelpe skolen i det førebyggjande arbeidet og i arbeidet med tidleg innsats
- å vidareføre og utdjupe oppgåvene til PP-tenesta i lova
- å vidareføre kravet om sakkunnig vurdering før kommunane og fylkeskommunane gjer vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring og vedtak om fritak frå opplæringsplikta
- å fjerne kravet om sakkunnig vurdering frå PP-tenesta før kommunane og fylkeskommunane gjer vedtak om
  - fysisk tilrettelegging og personleg assistanse
  - tidleg eller utsett skolestart
  - opplæring i og på norsk teiknspråk
  - opplæring i punktskrift, tekniske hjelpemiddel og mobilitet
- å vidareføre at departementet kan gi forskrift om at PP-tenesta skal utarbeide sakkunnige vurderingar i andre tilfelle

Departementet høyrd ope om lova skal påleggje PP-tenesta roller og oppgåver knytte til tilrettelegging for dei som får opplæring i bedrift. Departementet bad om synet til høyningsinstansane på kva slags oppgåver som kunne vere aktuelle og tenlege, korleis dette best kan regulerast, og i kva grad PP-tenesta har den nødvendige kompetansen og ressursane til desse oppgåvene.

Med dette høyningsforslaget følgde departementet delvis opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 31. Departementet fulgte ikkje opp utvalets forslag om å utvide mandatet til PP-tenesta til å rette seg mot alle elevar.

## 27.4 Høyringsinstansanes syn

### 27.4.1 Kravet om at kvar kommune og fylkeskommune skal ha ei PP-teneste, og tydeleggjering av oppgåvane til PP-tenesta

Det er om lag 50 høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget om å vidareføre kravet om at kvar kommune og fylkeskommune skal ha ei PP-teneste, og at oppgåvane til tenesta blir meir tydelege i lova. Alle høyringsinstansar støttar forslaget heilt eller delvis. Mellom anna støttar fleire statsforvaltarar, *Barneombodet*, *Elevorganisasjonen* og fleire kommunar forslaget. Det blir framheva som positivt at det blir presistert i lova at PP-tenesta har ei førebyggjande rolle.

Fleire av høyringsinstansane har innspel til utforminga av lovtekst. *Utdanningsdirektoratet* viser til at i opprampsinga av oppgåvane til PP-tenesta kan det verke som om tenesta sjølv set inn tiltak, og meiner det bør gjerast tydeleg i lova at denne avgjerdene er det skolen som tar.

*Statsforvaltaren i Rogaland* meiner at arbeidet til PP-tenesta skal rette seg mot *alle elevar*, og set også spørjeteikn ved om det bør vere krav til saksbehandlingstid. *Indre Fosen kommune* er inne på det same i innspelet sitt og ber om at formuleringa til utvalet, «alle elevar», blir brukt i lova. *Viken fylkeskommune* meiner forslaget til lovtekst kunne vore endå tydelegare og at formuleringane i lovforslaget kan forståast på fleire måtar.

Fleire høyringsinstansar, mellom anna *Statped*, *Statsforvaltaren i Innlandet* og *Vestfold og Telemark fylkeskommune* ønskjer at det også blir lovfesta normer for bemanning og kompetanse i PP-tenesta.

*Barneombodet* støttar forslaget, men ber om at departementet går lenger i å presisere krava til kvalitet og kva som kjenneteiknar ei kompetent teneste. Ombodet ber også om at det blir sett av nok ressursar til at PP-tenesta kan gjere oppgåvane dei er pålagde.

### 27.4.2 Krav om sakkunnig vurdering frå PP-tenesta før kommunen og fylkeskommunen gjer vedtak

#### Generelt

Det er støtte for at det framleis skal vere krav om sakkunnig vurdering for vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring og fritak frå opplæringa.

Det er delte meininger knytt til dei ulike forslaga om å ta bort kravet om sakkunnig vurde-

ring. Nokon meiner at det framleis bør vere eit krav for alle vedtaka, medan andre meiner det er tilstrekkeleg med utgreiingsplikta som følgjer av forvaltningslova § 17.

Det er også delte meininger om det vil frigjere ressursar i PP-tenesta å ta bort kravet om sakkunnig vurdering. *Asker kommune* og *Senja kommune* meiner det vil vere ressurssparande. *Sola kommune* meiner ein vil spare lite ressursar på å ta bort kravet om sakkunnig vurdering.

#### Tidleg eller utsett skolestart

Det er omtrent 40 høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget om å ta bort kravet om sakkunnig vurdering før det blir gjort vedtak om tidleg eller utsett skolestart. Blant dei 21 som ikkje støttar forslaget, er mellom anna *Barneombodet*, *Statped*, *Elevorganisasjonen*, *Statsforvaltaren i Oslo og Viken*, *Unge funksjonshemmede* og ei rekke kommunar. Desse instansane viser mellom anna til at dette er avgjerdene som påverkar heile utdanningsløpet for barna, og at å ta bort kravet om sakkunnig vurdering kan svekkje rettstryggleiken til elevane. Fleire, mellom anna *KS*, meiner at å ta bort kravet om sakkunnig vurdering vil frigjere lite ressursar i PP-tenesta. Det er også fleire som peikar på at dei foreslår vilkåra for utsett og tidleg skolestart er lite konkrete, og at det derfor blir uklart kva grunnlag avgjerdene skal takast på.

Dei som støttar forslaget om å ta bort kravet, viser til at vedtaka kan bli godt nok greidde ut utan sakkunnig vurdering, og at PP-tenesta framleis vil utarbeide sakkunnig vurdering der det er nødvendig for at saka skal vere godt nok greidd ut.

#### Personleg assistanse og fysisk tilrettelegging

Det er 26 høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget om å ta bort kravet om sakkunnig vurdering frå PP-tenesta før kommunen gjer vedtak om personleg assistanse og fysisk tilrettelegging. Det er 18 høyringsinstansar som støttar forslaget, blant desse mange kommunar. Det er 8 som ikkje støttar forslaget, mellom anna *Barneombodet*, *Elevorganisasjonen* og *Statsforvaltaren i Oslo og Viken*. Desse meiner at det vil svekkje rettstryggleiken til elevane å ta bort kravet om sakkunnig vurdering.

#### Opplæring i og på norsk teiknspråk

Det er 22 høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget om å ta bort kravet om sakkunnig vurde-

ring før det blir gjort vedtak om opplæring i og på norsk teiknspråk. Det er 16 som støttar forslaget, mellom anna *Utdanningsdirektoratet*, fleire kommunar og *Noregs døveforbund*.

Det er seks instansar som ikkje støttar forslaget, mellom anna *Barneombodet*, *Elevorganisasjonen* og *Statforvaltaren i Oslo og Viken*. Desse meiner at det vil svekkje rettstryggleiken til elevane å ta bort kravet om sakkunnig vurdering.

#### *Opplæring i punktskrift, tekniske hjelphemiddel og mobilitet*

Det er 20 høyningsinstansar som har uttalt seg om forslaget om å ta bort kravet om sakkunnig vurdering før det blir gjort vedtak om opplæring i punktskrift, tekniske hjelphemiddel og mobilitet. Det er 14 som støttar forslaget, mellom anna *Bærum kommune* og *Trondheim kommune*, 6 høyningsinstansar støttar ikkje forslaget.

*Barneombodet*, *Elevorganisasjonen* og *Statforvaltaren i Oslo og Viken* støttar ikkje forslaget og meiner at det vil svekkje rettstryggleiken til elevane å ta bort kravet om sakkunnig vurdering.

#### **27.4.3 Rolla PP-tenesta har i samband med opplæring i bedrift**

Når det gjeld spørsmålet som departementet høyrdde ope, om lova skal pålegge PP-tenesta roller og oppgåver knytte til dei som har lærerid i bedrift, har det komme få innspel. Det er 14 høyningsinstansar som har uttalt seg om dette, mellom anna *KS*, *Landsorganisasjonen i Norge (LO)*, *Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)*, *Byggenærings landsforening (BNL)*, fleire kommunar og *Elevorganisasjonen*.

*NHO* meiner det er viktig at lærlingar også har ein særskild rett til PP-tenesta. Mange lærlingar opplever overgangen frå skole til bedrift som krevjande. Det er viktig at denne overgangen går mest mogleg smidig, og at lærlingane ikkje mistar det nettverket og høvet til å få støtte som dei hadde frå skolen. Sjølv om opplæringskontoret og lærebedrifa vil hjelpe lærlingen, må det ikkje finnast hindringar for at lærlingen skal få høve til å bruke PP-tenesta.

*BNL* meiner det er naturleg at PP-tenesta samarbeider med fagopplæringsavdelinga i fylka når det gjeld lærlingar. Fylkeskommunen, som oftast ved fagopplæringsavdelinga, er part i lærekontrakten til kvar lærling. Det er derfor naturleg at lærebedrift eller opplæringskontor, fylkeskommunen og PP-tenesta samarbeider om nødvendige tiltak

for å få lærlingane til å fullføre læreridet i bedrift.

Samtlige av dei som har uttalt seg om dette meiner at PP-tenesta bør ha ei rolle overfor dei som har lærerid i bedrift. Det er likevel få som har gitt tilbakemelding på kva slags oppgåver som kan vere aktuelle og tenlege, korleis dette best kan regulerast, og i kva grad PP-tenesta har den nødvendige kompetansen og ressursane til desse oppgåvene. *KS* meiner det ikkje er realistisk at PP-tenesta skal drive systemretta arbeid retta mot lærebedriftene, og at ei utviding av oppgåvene til PP-tenesta vil ha konsekvensar for kapasitet og kompetanse i tenesta.

### **27.5 Departementets vurdering**

#### **27.5.1 Kravet om at kvar kommune og fylkeskommune skal ha ei PP-teneste, og tydeleggjering av oppgåvene til PP-tenesta**

##### *Krav om PP-teneste*

Departementet foreslår å vidareføre kravet om at kvar kommune og fylkeskommune skal ha ei PP-teneste, sjå forslaget til § 11-13 første ledd. PP-tenesta har ein viktig funksjon i å hjelpe skolane med å leggje til rette opplæringa for elevar med ulike behov for tilrettelegging, og i å hjelpe skolane i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling.

##### *Gjere oppgåvene til PP-tenesta meir tydelege*

Departementet foreslår å gjere det meir tydeleg i lova kva oppgåvene til PP-tenesta er. Sjå forslaget til § 11-13 andre ledd. PP-tenesta skal støtte skolane i det førebyggjande arbeidet deira og i arbeidet med å gi eit inkluderande og tilrettelagt opplæringsstilbod til elevar som kan ha ulike behov for tilrettelegging av opplæringa. Dette skal bidra til at det blir færre elevar som treng individuelt tilrettelagt opplæring.

Med førebyggjande arbeid siktar departementet til at skolane gjennom å utvikle eit godt og inkluderande læringsmiljø og ved å tilpasse opplæringa, skal kunne komme i forkant av utfordringar hos elevane slik at dei kan få tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Arbeid med tidleg innsats inneber å støtte skolane både i arbeidet med å leggje til rette for eit godt pedagogisk tilbod så tidleg som mogleg og i arbeidet med å setje inn tiltak raskt når utfordringar blir oppdagata.

Det er mange PP-tenester som allereie jobbar førebyggjande, og som i dette arbeidet legg vekt på god tilrettelegging i klasselfellesskapet. Dette perspektivet kjem ikkje eksplisitt fram i dagens lov eller forarbeid, men det blir omtalt i dei rettleiande kvalitetskriteria som Utdanningsdirektoratet har utvikla for PP-tenesta:

Førebyggjande arbeid inneber at PP-tenesta bidreg til at barnehagar og skolar kjem i forkant av problem og lærevanskar ved å setje i gang tiltak. Det kan vere universelle tiltak eller spesielle tiltak for barnehagar eller skolar med utfordringar.

Departementet meiner at målet med det førebyggjande arbeidet til PP-tenesta bør vere å gi råd og rettleiing til skolane før eventuelle større utfordringar oppstår, slik at rette tiltak og nødvendig tilrettelegging kan setjast i verk raskt. Dette vil bidra til å sikre at færrest mogleg elevar får behov for individuell tilrettelegging som følgje av manglande tilpassingar. Det førebyggjande arbeidet føreset eit heilskapleg blikk for alle elevane og klasselfellesskapet elevane inngår i. Det betyr likevel ikkje at PP-tenesta skal ha ansvar for å støtte skolane i det førebyggjande arbeida deira for kvart enkelt barn, eller at PP-tenesta skal inn i alle klassar, og heller ikkje at tenesta får ansvar for å støtte den allmennpedagogiske kompetansen til lærarane.

Det er viktig at PP-tenesta blir behalden som eit spesialistorgan, og at skolen sjølv er forventa å ha ein brei og sterk generalistkompetanse. Innanfor den allmennpedagogiske kompetansen som skoleleiarar og lærarar skal ha, skal skolen drive opplæring, tilrettelegging, førebygging og tidleg innsats retta mot heile elevmassen. Rolla til PP-tenesta skal vere å støtte og rettleie skolane der spesialistkompetansen til tenesta er relevant og eit nødvendig supplement til skolane sin eigen kompetanse. På denne måten kan dei støtte lærarane både når det gjeld korleis ein legg til rette for eit godt og inkluderande tilbod før eventuelle utfordringar blir tydelege, og der det er enkeltbarn det er byrjande bekymringar for.

For å vareta det førebyggjande perspektivet bør ikkje lovteksten krevje at elevar allereie må ha eit behov for tilrettelegging før PP-tenesta skal komme inn og støtte skolane. Departementet understrekar at den avleidde målgruppa for arbeidet til PP-tenesta er både elevar som ikkje har – eller står i fare for ikkje å få – tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa, og elevar

med stort læringspotensial som gjer at dei treng tilrettelegging innanfor den ordinære opplæringa.

Den enkelte PP-tenesta må finne ein tenleg balanse mellom det førebyggjande arbeidet og arbeidet med sakkunnige vurderingar mv. for barn som har behov for individuell tilrettelegging. Oppgåvene til tenesta må sjåast i samanheng, og det førebyggjande arbeidet påverkar sakkunnearbeidet og motsett. Gjennom arbeidet skal PP-tenesta både bidra til at nødvendige rammer, løysingar og tilpassingar blir inkluderte i den ordinære opplæringa, og til at dei elevane som har behov for individuelt tilrettelagd opplæring, skal få eit minst like godt tilbod som i dag.

Departementet foreslår å presisere i lova at PP-tenesta skal støtte og rettleie skolane i å greie ut behovet for tilrettelegging av opplæringa og setje inn tiltak så tidleg som mogleg når det trengst. Departementet foreslår også å presisere at PP-tenesta skal hjelpe til med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling slik at opplærings-tilbodet blir så inkluderande og godt tilrettelagt som mogleg. Sjå forslaget til lovtekst i § 11-13 andre ledd bokstav a og b.

Departementet meiner at dei foreslattede presiseringane vil vere i tråd med forståinga og praktiseringa som mange av kommunane og fylkeskommunane har av mandatet til PP-tenesta i dag. Forslaget må sjåast i samanheng med forslaget nedanfor om å fjerne enkelte av dagens krav om sakkunnig vurdering. Departementet legg til grunn at omfanget av det førebyggjande arbeidet og arbeidet med tidleg innsats må tilpassast kor mykje ressursar som blir frigjorde når arbeidet med sakkunnige vurderingar går ned. Samtidig understrekar departementet at forslaga til saman inneber at PP-tenesta skal bruke ressursane sine på ein annan måte enn i dag.

Når det gjeld innspeilet til *Utdanningsdirektoratet* om at det bør gjerast tydeleg i lova at avgjører om å setje inn tiltak blir tatt av skolen, viser departementet til omtalen i merknaden til paragrafen.

Fleire høyringsinstansar har gitt uttrykk for at det er behov for kompetanse- eller bemanningskrav for PP-tenesta. Departementet påpeikar at kommunen og fylkeskommunen har ansvar for at PP-tenesta har den nødvendige kompetansen til å utføre arbeidsoppgåvene etter opplæringslova. Departementet foreslår ikkje detaljerte kompetanse- eller bemanningskrav for PP-tenesta.

#### *Krav til kvaliteten på tenestene PP-tenesta skal leve*

Dagens lovtekst og forarbeid om PP-tenesta seier lite om oppgåvene til tenesta og korleis desse skal

forståast og utførast. Departementet meiner det ikkje er tenleg å lovfeste ei inngåande beskriving av korleis PP-tenesta skal arbeide.

Det har komme innspel, både til NOU 2019: 23 og i høyringsmøtet som departementet heldt om PP-tenesta hausten 2020, om at oppgåvene til PP-tenesta bør gjerast tydelege i lov eller forskrift, og at dei rettleiande kvalitetskriteria for PP-tenesta som Utdanningsdirektoratet har utvikla, er eit godt utgangspunkt.

Departementet meiner dei to kvalitetskriteria om førebygging og tidleg innsats blir varetekne i forslaget til ny lovtekst. Dei to andre kvalitetskriteria, om at PP-tenesta skal vere fagleg kompetent, og at ho skal vere tilgjengeleg og medverke til heilskap og samanheng, vil delvis varetakast gjennom den foreslalte paragrafen og delvis gjennom andre reglar, til dømes ansvaret til kommunane og fylkeskommunane for å oppfylle forpliktingar etter lova, sjå forslaget til §§ 28-1 og 28-2, og forslag til reglar om overgang mellom barnehage, grunnskole og vidaregående opplæring, sjå §§ 4-7 og 9-5. I tillegg kjem forslaget til § 24-1 om samarbeid og samordning.

Med bakgrunn i lovteksten og forarbeida kan dagens rettleiingsmateriell vidareutviklast.

### **27.5.2 Krav om sakkunnig vurdering frå PP-tenesta før kommunen og fylkeskommunen gjer vedtak**

#### *Utgangspunkt*

Når departementet har vurdert i kva tilfelle det skal vere eit absolutt krav om sakkunnig vurdering frå PP-tenesta før kommunen eller fylkeskommunen gjer vedtak etter opplæringslova, har fleire omsyn vorte vegne opp mot kvarandre.

Departementet meiner at det er viktig at nødvendige tiltak kan setjast i gang raskt og utan omfattande saksbehandling. I mange tilfelle kan det vere andre instansar enn PP-tenesta som er relevante for vedtaka som det i dag er lovfesta eit krav om sakkunnig vurdering for, til dømes helse-tenester, barnehagar og skolar. For det andre må det bli sikra tilstrekkeleg kapasitet i PP-tenesta til at tenesta kan bruke meir tid på å gi råd og rettleiring i det førebyggjande arbeidet og i arbeidet med tidleg innsats.

Departementet har også vurdert rettstryggingsomsyn, jf. at fleire høyringsinstansar er bekymra for at det å ikkje ha krav om sakkunnig vurdering vil redusere rettstryggleiken til elevarne.

Departementet vil understreke at det blir stilt strenge krav til kommunane og fylkeskommunane med tanke på kva kvalitet vedtaket og saksbehandlinga skal ha, og at desse krava gjeld uavhengig av om det er krav om sakkunnig vurdering i lova. Utgreiingsplikta i forvaltningslova vil uansett gjelde. Det følgjer av forvaltningslova § 17 at kommunane og fylkeskommunane må sjå til at saker er så godt opplyste som mogleg før det blir gjort vedtak. Dette inneber at organet som skal gjere enkeltvedtak, har eit ansvar for at alle nødvendige fakta i saka ligg føre. Utgreiingsplikta inneber også at organet må innhente nødvendige opplysningar dersom organet ikkje sjølv har tilstrekkeleg kunnskap om spørsmålet det skal takast stilling til. Kor omfattande og grundige undersøkingar som krevst, må vurderast konkret frå sak til sak. I nokre tilfelle vil det framleis vere behov for ei sakkunnig vurdering frå PP-tenesta.

Departementet vil også vise til reglane i forslaget til §§ 10-2 og 10-3 som stadfestar ein rett til medverknad for elevane og foreldra. Retten barnet har til å bli hørt, følgjer også av Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen artikkel 12.

Dersom elevar og foreldre er misfornøgde med vedtaket, eller med saksbehandlinga, kan dei klage på vedtaket. Departementet reknar rettstryggleiken til elevane i dei aktuelle tilfellene for å vere vareteken på ein god nok måte gjennom reglane i forvaltningslova.

I § 11-13 tredje ledd blir det foreslått at PP-tenesta skal ha ei plikt til å utarbeide sakkunnige vurderingar der lova krev det, noko som inneber at eit slik krav vil finnast i den lovregelen som elles regulerer det aktuelle temaet. Departementet vurderer under kva vedtak i opplæringslova som bør ha eit absolutt krav om sakkunnig vurdering frå PP-tenesta, og kva vedtak som ikkje treng å ha eit slikt krav.

Departementet foreslår å vidareføre moglegheita til å gi forskrift om i kva andre tilfelle PP-tenesta skal utarbeide sakkunninge vurderingar, sjå forslaget til § 11-13 fjerde ledd. Forskrift til opplæringslova stiller i dag mellom anna krav til sakkunnig vurdering frå PP-tenesta for tilrettelegging på fag og sveineprøven, og for vedtak om inntrakt til eit særskilt utdanningsprogram.

#### *Individuelt tilrettelagd opplæring*

Departementet foreslår at det framleis skal vere krav om sakkunnig vurdering frå PP-tenesta før det blir gjort vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring. Sjå også omtale i punkt 25. Departementet legg vekt på at dette er vedtak der ei fagleg

og uavhengig vurdering framleis bør ligge til grunn før det blir tatt ei avgjerd. Det varierer likevel kor komplekse vedtaka om individuelt tilrettelagd opplæring er, og behovet for ei sakkunnig vurdering vil derfor kunne variere også for desse vedtaka. Slike vedtak kan likevel, i større grad enn dei andre vedtakstypane som blir vurderte, reise innhaldsmessige, pedagogiske og organisatoriske spørsmål som det er tenleg å få vurdert av ein fagleg uavhengig instans med kompetanse i å legge til rette tilbodet for elevar med behov for ulike former for tilrettelegging.

#### *Fritak frå plikta til grunnskoleopplæring*

Departementet foreslår at det framleis skal vere eit krav om sakkunnig vurdering for vedtak om fritak frå opplæringa, sjå omtale i punkt 9.5.4.

Vedtak om fritak frå opplæringa kan ha ulik grunngiving og utforming. Det kan dreie seg om fritak frå fag, timar, skoledagar, skoleveker eller å hoppe over eit skoleår. I fleire av desse vedtaka vil konsekvensen av å innvilge fritak vere å fråvike kompetansemål i eitt eller fleire fag. Departementet meiner at dette taler for å sjå slike vedtak i samanheng med vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring som kan stadfeste avvik frå kompetansemål i fag. Det har store konsekvensar for den enkelte eleven som får innvilga fritak frå heile eller delar av opplæringa. Departementet meiner derfor at eit vedtak om fritak frå plikta til grunnskoleopplæring må vere særleg godt fagleg grunngitt, og det er gode grunnar til framleis å krevje at det blir gjennomført ei sakkunnig vurdering før det blir vedtatt fritak.

Departementet foreslår at vilkåret for å innvilge fritak skal vere «særlege grunnar», sjå omtale i punkt 9.5.4. Vilkåret peikar på at fritak i tillegg til å vere til det beste for eleven også må vere forankra i faglege vurderingar.

Departementet viser også til oppmodingsvedtak nr. 197 frå Stortinget, 12. desember 2018, som blir følgt opp med forslaget til reglar for fritak, sjå nærmere omtale i punkt 9:

Stortinget ber regjeringen sørge for at fritak for skolefag ikke blir gitt dersom dette ikke er i overenstemmelse med elev og foresattes ønsker, at fritaket må være faglig begrunnet, og at konsekvensene av et fritak er gjort godt kjent for eleven og foresatte.

#### *Tidleg eller utsett skolestart*

Departementet foreslår at det framleis blir stilt krav om sakkunnig vurdering for vedtak om utsett eller tidleg skolestart, sjå omtale i punkt 9.5.6. I høyringa foreslo departementet nye vilkår for utsett og tidleg skolestart som erstatning for den sakkunnige vurderinga. Eit knapt fleirtal av høyringinstansane som har uttalt seg om dette forslaget, meiner at kravet om sakkunnig vurdering bør behaldast for vedtak om tidleg og utsett skolestart.

Departementet meiner det er gode argument både for og mot å ha eit absolutt krav om sakkunnig vurdering for vedtak om tidleg og utsett skolestart.

Departementet vil vise til at dette er vedtak som har noko å seie for heile skoleløpet til barnet, og at det er viktig at slike vedtak blir godt greidde ut, og at det er ei forsvarleg saksbehandling. I utgangspunktet kan det argumenterast for at reglane i forvaltningslova sikrar at vedtaka er godt nok opplyste utan at det er lovfesta eit krav om sakkunnig vurdering. Det kan likevel setjast spørjeteikn ved om det er ei god løysing å ta bort kravet til sakkunnig vurdering dersom det inneber ein risiko for at nokre vedtak ikkje blir like godt greidde ut og opplyste som i dag.

Eit barn som får tidleg eller utsett skolestart, må forlate barnehagegruppa tidlegare enn dei jamaldra barna eller bli igjen i barnehagen når dei andre byrjar på skolen. Ei sakkunnig vurdering gir ekstra tryggleik til barna og reduserer risiko for negative konsekvensar som utsett eller tidleg skolestart kan ha for enkeltindivid, både på kort og på lang sikt. Fagpersonar i PP-tenesta med kunnskap om moglegheitene skolen har for tilrettelegging, og om prinsippet om tilpassa opplæring og inkludering har eit særleg godt grunnlag for å vurdere «skolemodnaden» til barnet.

Barnehagen og barnehagelærarane vil også kunne gi ei god vurdering av utviklinga til barnet, dette gjeld både for barn der foreldre ønskjer utsett eller tidleg skolestart. Barnehagetilsette har likevel ikkje same kunnskap om skolen og tilrettelegging av opplæringa som PP-tenesta.

Departementet legg særleg vekt på at vedtak om tidleg og utsett skolestart har noko å seie for heile skoleløpet til barnet, til forskjell frå dei vedtaka der departementet foreslår å ikkje ha eit krav om sakkunnig vurdering. Eit vedtak om å innvilge tidleg eller utsett skolestart vil ha store konsekvensar for barnet, og departementet meiner derfor at det er særleg viktig at vedtaka er godt greidde ut og grunngitt.

### *Personleg assistanse og fysisk tilrettelegging*

Departementet meiner det ikkje er grunn til å krevje sakkunnig vurdering frå PP-tenesta før det blir gjort vedtak om personleg assistanse eller fysisk tilrettelegging etter §§ 11-4 og 11-5, sjå omtale i punkt 25. For desse vedtaka er det tilstrekkeleg med kravet til utgreiing etter forvaltningslova § 17.

Departementet meiner kommunen og fylkeskommunen ved hjelp av eleven, foreldra og andre instansar som kjenner eleven, ofte har tilstrekkeleg kunnskap til å gjere vedtak i saker om personleg assistanse og fysisk tilrettelegging. Departementet foreslår derfor ikkje eit krav om sakkunnig vurdering frå PP-tenesta for vedtak om personleg assistanse eller fysisk tilrettelegging.

Departementet understrekar likevel at det kan vere behov for å sjå ulike former for tilrettelegging i samanheng. Departementet foreslår at det blir presisert i lovteksta at der eleven har behov for andre former for tilrettelegging i tillegg til individuelt tilrettelagt opplæring, skal den sakkunnige vurderinga til PP-tenesta innehalde ei heilskapleg vurdering av kva tilrettelegging eleven treng. Allereie løpende vedtak om fysisk tilrettelegging og personleg assistanse må om nødvendig justerast. Sjå forslaget til § 11-7 første ledd siste punktum.

### *Opplæring i og på norsk teiknspråk*

Departementet meiner det ikkje er grunn til å krevje sakkunnig vurdering frå PP-tenesta før det blir gjort vedtak om opplæring i og på norsk teiknspråk. For desse vedtaka er det tilstrekkeleg med kravet til utgreiing som følgjer av forvaltningslova § 17. Punkt 29 omtaler retten til opplæring i og på teiknspråk for høyrselshemma. Når «høyrselshemming» blir sett som vilkår for rett til opplæring i og på teiknspråk, taler det for at det i mange tilfelle vil vere unødvendig å innhente ei sakkunnig vurdering for at ein elev skal få rett til slik opplæring. Departementet foreslår derfor ikkje eit krav om sakkunnig vurdering frå PP-tenesta for vedtak om opplæring i og på norsk teiknspråk.

Det finst ei gruppe elevar som ikkje har ei høyrselshemming, men som likevel har behov for teiknspråk i kortare eller lengre periodar. Desse bør slik departementet vurderer det, kunne få tilgang til opplæring i og på teiknspråk gjennom plikta kommunane og fylkeskommunane har til å leggje til rette for undervisning som eleven får utbytte av, eventuelt gjennom vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring.

### *Opplæring i punktskrift, hjelpemiddel og mobilitet*

Departementet meiner det ikkje er grunn til å krevje sakkunnig vurdering frå PP-tenesta før det blir gjort vedtak om opplæring i punktskrift, tekniske hjelpemiddel og mobilitet. For desse vedtaka er det tilstrekkeleg med kravet til utgreiing som følgjer av forvaltningslova § 17. Punkt 25 og 32 omtaler rettane til opplæring i punktskrift, jf §§ 3-5 og 6-4, og tekniske hjelpemiddel og mobilitet, jf. § 11-5.

Blinde og sterkt svaksynte elevar har rett til slik opplæring utanfor det ordinære timetalet. Om ein elev er blind eller sterkt svaksynt, blir som hovudregel slått fast ved ei medisinfagleg vurdering. Korleis opplæringa skal gjennomførast og organiserast, må vurderast ut frå omsynet til føresetnadene og totalbelastninga til barnet og sjåast i samanheng med kvardagen til barnet generelt og skoledagen spesielt. Kommunane og fylkeskommunane kan om nødvendig rådføra seg med Statped, som har syn som eit av fagområda sine og som tilbyr utgreiing, rådgiving, rettleiing og kurs. Statped har også eit strakstilbod ved nyoppdaga, alvorlege synsvanskjar. Departementet foreslår derfor ikkje eit krav om sakkunnig vurdering frå PP-tenesta for vedtak om opplæring i punktskrift, hjelpemiddel og mobilitet.

### **27.5.3 Rolla PP-tenesta har i samband med opplæring i bedrift**

I dagens lov § 4-2 fjerde ledd står det at lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar skal ha same høve til å kontakte PP-tenesta som elevar i vidaregåande skole. Departementet viser til at det er uklart kva som ligg i dagens regel, og om det kan utleiaast konkrete plikter for PP-tenesta. For den enkelte eleven i vidaregåande skole har PP-tenesta ei rolle når det blir utarbeidd sakkunnige vurderingar. PP-tenesta skal også utarbeide sakkunnige vurderingar for dei som har læretid i bedrift, der lova krev det. Elevane har ikkje elles ein rett til å kontakte PP-tenesta.

I tillegg skal PP-tenesta hjelpe skolane med å utvikle kompetansen og organisasjonen slik at opplæringa for elevar med særskilde behov blir best mogleg. PP-tenesta har ikkje noka tilsvarende rolle overfor opplæring i bedrift.

Opplæringslovutvalet foreslo at regelen ikkje vart vidareført fordi utvalet la til grunn at hensikta med regelen er å sikre at lærlingar får sakkunnig vurdering frå PP-tenesta når dette er påkravd, på lik linje med elevar i skolen.

Departementet skrev i høyningsnotatet at tilrettelegging for dei som har lærerid i bedrift, bør vere ei oppgåve for PP-tenesta utover å skrive sakkunnige vurderingar, men at det er uklart korleis dette praktisk kan gjennomførast, og korleis det bør regulerast. Uklarleiken er både knytt til kven som skal vere det direkte kontaktpunktet til PP-tenesta, og kva oppgåver PP-tenesta konkret skal ha. Departementet la derfor ikkje fram eit konkret lovforslag om rollene og oppgåvene til PP-tenesta i samband med tilrettelegging for dei som har lærerid i bedrift. I staden bad departementet om tilbakemelding frå høyningsinstansane om kva slags oppgåver som kan vere aktuelle og tenlege, korleis dette best kan regulerast, og i kva grad PP-tenesta har den nødvendige kompetansen og ressursane til desse oppgåvene.

Departementet vil vise til at det på bakgrunn av innspela i høyringa ikkje er grunnlag for å foreslå korleis dette kan eller bør regulerast. Ettersom departementet heller ikkje foreslo ei konkret lovregulering i høyningsnotatet, bør eit slikt konkret forslag som både kan ha administrative og økonomiske konsekvensar, uansett eventuelt utgreiaast nærrare.

Departementet går derfor ikkje vidare med dette no, men vil vurdere å greie ut endringar på dette området på eit seinare tidspunkt. Det inneber at den uklare regelen i dagens lov ikkje blir vidareført i ny opplæringslov.

Når denne regelen ikkje blir vidareført, kan det føre til praksisendringar i fylkeskommunar der regelen er forstått som at dei som har lærerid i bedrift, skal kunne kontakte PP-tenesta, sjølv om regelen ikkje er meint å ha eit slikt innhald. Departementet vil vise til at ei slik praksisendring uansett vil kunne vegast opp av at det blir foreslått

å lovfeste ein rett for dei som har lærerid i bedrift, til rådgiving om utdannings- og yrkesval og rådgiving om sosiale og personlege forhold. Sjå omtale i punkt 44.5.5.

PP-tenesta skal framleis ha ei plikt til å utarbeide sakkunnige vurderingar der lova krev det, inkludert for lærekandidatar som kan ha rett til individuell tilrettelegging, sjå omtale i punkt 42.10.

## **27.6 Departementets forslag**

---

Departementet foreslår

- å vidareføre kravet om at kvar kommune og fylkeskommune skal ha ei PP-teneste, sjå forslaget til § 11-13 første ledd
- å vidareføre og gjere tydeleg i lova at PP-tenesta skal hjelpe skolen i det førebyggjande arbeidet og i arbeidet med tidleg innsats, sjå forslaget til § 11-13 andre ledd første punktum
- å vidareføre og utdjupe oppgåvene til PP-tenesta i paragrafen, sjå forslaget til § 11-13 andre ledd andre punktum bokstav a og b
- å vidareføre krav om sakkunnig vurdering før kommunane og fylkeskommunane gjer vedtak om
  - individuelt tilrettelagd opplæring, sjå forslaget til § 11-7 første ledd, jf. § 11-6
  - vedtak om fritak frå opplæringsplikta, sjå forslaget til § 2-2 fjerde ledd
  - vedtak om utsett og tidleg skolestart, sjå forslaget til § 2-4 andre ledd
- å vidareføre at departementet kan gi forskrift om at PP-tenesta skal utarbeide sakkunnige vurderingar i andre tilfelle, sjå forslaget til § 11-13 fjerde ledd.

## 28 Særskild språkopplæring for elevar som har eit anna morsmål enn norsk og samisk

### 28.1 Innleiing

Dette punktet handlar om korleis reguleringa av særskild språkopplæring for minoritetsspråklege elevar i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa skal vere. Med minoritetsspråklege elevar siktar ein i denne samanhengen til elevar som har eit anna morsmål enn norsk og samisk. Særskild språkopplæring omfattar særskild norskopplæring, morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring i fag.

Ifølgje Grunnskolens informasjonssystem (GSI) hadde om lag 40 000 elevar eit vedtak om særskild norskopplæring i grunnskolen skoleåret 2021–2022. Det ligg ikkje føre tilsvarande tal for vidaregåande opplæring.

### 28.2 Dagens reglar

#### 28.2.1 Opplæringslova

*Rett til særskild norskopplæring, morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring i fag*

Elevar i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa som har andre morsmål enn norsk eller samisk, og som ikkje kan godt nok norsk til å følgje den vanlege undervisninga i skolen, har rett til særskild språkopplæring. Dette følgjer av opplæringslova §§ 2-8 og 3-12.

Særskild språkopplæring skal alltid omfatte særskild norskopplæring, det vil seie forsterka opplæring i norsk. Om nødvendig skal særskild språkopplæring også omfatte morsmålsopplæring, tospråkleg opplæring i fag eller begge delar. Tospråkleg opplæring i fag inneber at eleven får opplæring på morsmålet sitt og norsk i eitt eller fleire fag. Kva som er «nødvendig», kan ikkje strekkje seg lengre enn til at eleven er god nok i norsk til å følgje den vanlege undervisninga på norsk.

Kommunane og fylkeskommunane kan leggje morsmålsopplæringa til ein annan skole enn den eleven går på til vanleg. Dette har samanheng med at morsmålsopplæring kjem i tillegg til det vanlege timetalet til opplæring og blir gitt innanfor ei lokalt fastsett timeramme.

Når det ikkje finst eigna undervisningspersonele som kan gjennomføre morsmålsopplæring eller tospråkleg opplæring i fag, skal kommunen så langt mogleg leggje til rette for «anna opplæring», jf. opplæringslova §§ 2-8 tredje ledd og 3-12 tredje ledd. Anna opplæring kan til dømes vere morsmålsopplæring i form av fjernundervisning eller intensivundervisning i kortare periodar.

Retten til særskild språkopplæring varer til eleven har tilstrekkelege ferdigheter i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. Det er inga avgrensing på kor mange år eleven kan få særskild språkopplæring. Elevar har ikkje plikt til å få særskild språkopplæring etter opplæringslova sjølv om dei ikkje kan norsk godt nok til å følgje den vanlege opplæringa i skolen.

#### Kartlegging av norskferdigheiter

Vilkåret for retten til særskild språkopplæring er at eleven ikkje har tilstrekkelege ferdigheter i norsk til å kunne følgje den vanlege opplæringa i skolen. Kommunane og fylkeskommunane må derfor kartlegge ferdighetene til eleven i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring, jf. §§ 2-8 fjerde ledd og 3-12 fjerde ledd.

Slik kartlegging av norskferdigheitene til eleven skal også gjennomførast undervegs i opplæringa som grunnlag for å vurdere om eleven har tilstrekkelege ferdigheter i norsk til å følgje den vanlege opplæringa. Utdanningsdirektoratet har utvikla eit digitalt kartleggingsverktøy i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar som er frivillig for kommunen og fylkeskommunen å nytte (*Kartleggingsverktøy i grunnleggende norsk (2021)*).

### *Organisering av elevane i eigne grupper, klassar eller skolar (innføringstilbod)*

Kommunane og fylkeskommunane kan organisere opplæringstilbod for nykomne elevar i eigne grupper, klassar eller skolar, jf. opplæringslova §§ 2-8 femte ledd og 3-12 femte ledd. Formålet med eit slikt innføringstilbod er at elevane skal lære norsk så raskt som mogleg, slik at dei kan følgje opplæringa i ein ordinær klasse. I perioden eleven er i innføringstilbod, kan det gjerast unntak frå læreplanverket der det er nødvendig, og kommunane og fylkeskommunane ønskjer det, for å vareta behovet til eleven. Dette inneber at det kan gjerast avvik frå læreplanane og fag- og timefordelinga. Departementet viser til punkt 40 og forslaget om ei ny plikt for fylkeskommunen til å tilby eit overgangstilbod.

Særskilde opplæringstilbod for nykomne elevar kan organiseraast for heile eller delar av opplæringa. Kommunane og fylkeskommunane kan gjere vedtak om særskilde opplæringstilbod for eitt år av gongen, og ein elev kan få eit slikt tilbod i maksimum to år. Opplæring i innføringstilbod skal berre givast dersom det er rekna for å vere til det beste for eleven, og dersom foreldra eller eleven samtykkjer.

#### *28.2.1.1 Rett til utvida opplæringstid for elevar i vidaregåande opplæring*

Elevar som har rett til særskild språkopplæring, har i dag rett til inntil to år ekstra opplæringstid i vidaregåande opplæring når eleven treng det ut frå opplæringsmåla for den enkelte, jf. opplæringslova § 3-1 femte ledd. Det er ikkje krav om sakkunnig vurdering for ekstra tid i vidaregåande opplæring for elevar med rett til særskild språkopplæring.

#### **28.2.2 Integreringslova**

Unge under 25 år som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, skal etter integreringslova § 13 som hovudregel ha sluttmål om fullført vidaregåande opplæring.

Etter integreringslova § 26 har innvandrarar mellom 18 til 67 år som har fått innvilga eit opphaldsløyve, rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnuskunnskap. Barn og unge under 18 år må dermed lære norsk i grunnskolen eller i vidaregåande opplæring. Fylkeskommunane skal utarbeide planar for kvalifisering av innvandrarar, jf. integreringslova § 4. Planane skal omfatte tiltak

for å kvalifisere innvandrarar til å møte regionale arbeidsmarknadsbehov.

### **28.3 Høyringsforslaget**

Departementet foreslo

- å vidareføre retten til særskild språkopplæring, inkludert morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring i fag
- å endre nemningar frå særskild norskopplæring til forsterka opplæring i norsk og frå tospråkleg fagopplæring til tospråkleg opplæring i fag
- å presisere i lova at elevar som har budd kort tid i Noreg, har rett til morsmålsopplæring med mindre dette er openbertyr unødvendig
- å vidareføre regelen om plikt til å kartleggje ferdighetene til eleven i norsk før kommunane eller fylkeskommunane gjer vedtak om særskild språkopplæring
- å vidareføre plikta kommunane og fylkeskommunane har til å vurdere ferdighetene til eleven i norsk undervegs i opplæringa
- å vidareføre regelen om at kommunane og fylkeskommunane kan bestemme at eleven skal få opplæringa i morsmål ved ein annan skole enn den eleven går på
- å vidareføre retten kommunane og fylkeskommunane har til å organisere heile eller delar av opplæringa i eigne klassar, grupper eller på eigne skolar (innføringsopplæring), og at dette blir regulert i eigne paragrafar

Med dette høyringsforslaget følgde departementet delvis opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 35. Departementet følgde ikkje opp forslaget frå utvalet om å ikkje vidareføre regelen om ei plikt til å kartleggje ferdighetene til eleven i norsk før kommunen eller fylkeskommunen gjer vedtak om særskild språkopplæring. Forslaget i høyringa om å presisere retten til morsmålsopplæring nærmare i lova var nytt samanlikna med forslaget frå utvalet.

### **28.4 Høyringsinstansanes syn**

Om lag 70 høyringsinstansar har uttalt seg om retten til særskild språkopplæring. Alle som har uttalt seg, om lag 20 høyringsinstansar, støttar forslaget om å vidareføre retten. Dette er mellom anna *Barneombodet, Statsforvaltaren i Innlandet, Utdanningsdirektoratet, Møre og Romsdal fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune, Viken fylkes-*

*komune, Bergen kommune, Redd Barna, Utdanningsforbundet og Nasjonalt fagorgan i norsk som andrespråk.*

Forslaget om å endre nemningane i lova frå tospråkleg fagopplæring til tospråkleg opplæring i fag og frå særskild norskopplæring til forsterka opplæring i norsk blir heilt eller delvis støtta av alle som har uttalt seg. Dette er om lag 25 høyningsinstansar, blant dei *Barneombodet, Utdanningsdirektoratet, Møre og Romsdal fylkeskommune, Bergen kommune, Oslo kommune, Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring (NAFO) og Nasjonalt fagorgan i norsk som andrespråk*. *Barneombodet* uttaler at ombodet er kjent med at omgrepene særskild norskopplæring har vorte misforstått, og meiner at forslaget til nytt omgrep betre beskriv den delen av den særskilde språkopplæringa som rettar seg mot å styrke norskferdigheitene til eleven. Samtidig foreslår enkelte høyningsinstansar, blant dei *NAFO* og *Utdanningsforbundet*, å nytte nemninga opplæring i norsk som andrespråk. Desse høyningsinstansane uttaler at norsk som andrespråk er ein eigen fagdisiplin, og at det gjer innhaldet i opplæringa tydelegare. *NAFO* peikar på at det nye omgrepet forsterka opplæring i norsk er uheldig, fordi det kan sjå ut som om omgrepet berre seier noko om omfanget og ikkje innhaldet i opplæringa.

*Utdanningsdirektoratet* uttaler at det bør presiserast at retten til forsterka opplæring i norsk gjeld på årstrinn der eleven ikkje har opplæring i faget norsk (vg1 yrkesfag), i merknaden til paragrafane.

Over 30 høyningsinstansar har uttalt seg om forslaget til presisering av lovteksten om at elevar som har budd mindre enn tre år i Noreg, skal ha rett til morsmålsopplæring med mindre det er openbert unødvendig. Eit fleirtal, om lag 25 høyningsinstansar, støtta forslaget heilt eller delvis. *Barneombodet* er særleg positive til denne presiseringa og uttaler at presiseringa gir ein hovudregel som gjer det tydeleg at denne elevgruppa som eit utgangspunkt skal ha morsmålsopplæring. *Utdanningsdirektoratet* påpeikar at det er positivt at retten til morsmålsopplæring blir klargjord eller styrkt. Fleire høyningsinstansar, blant dei *Statsforvaltaren i Rogaland, NAFO* og *Utdanningsforbundet*, meiner presiseringa også må omfatte tospråkleg opplæring i fag. Enkelte, blant dei *Nasjonalt fagorgan i norsk som andrespråk*, meiner formuleringa er tvitydig og foreslår ei alternativ formulering. *Oslo kommune* og *Stavanger kommune* er blant dei som ikkje støtta forslaget. *Oslo kommune* meiner det bør vere opp til kommunen å vurdere om eleven har behov for morsmålsopplæ-

ring eller tospråkleg opplæring i fag. Denne kommunen viser til at formuleringa «dersom det ikkje er openbart unødvendig» ikkje er god språkleg, og set spørjeteikn ved korleis ho skal forståast. Kommunen støttar elles ikkje at morsmålsopplæring blir gitt ei meir sentral rolle enn tospråkleg opplæring i fag. *Stavanger kommune* meiner at forslaget vil gi mindre fleksibilitet, at det vil belaste kommunane med auka dokumentasjonskrav, at det er utfordrande å få tak i morsmåslærarar, og at det vil få økonomiske konsekvensar.

Om lag 15 høyningsinstansar har uttalt seg om forslaget om å vidareføre kartleggingsplikta. Dei fleste, blant dei *Barneombodet, Utdanningsdirektoratet, Møre og Romsdal fylkeskommune, Vestfold og Telemark fylkeskommune, Utdanningsforbundet* og *Nasjonalt fagorgan i norsk som andrespråk* støttar forslaget. *Barneombodet* uttaler at omsynet til eleven bør vege tyngre enn omsynet til å unngå dobbeltreguleringar, og viser til at mange aktørar ikkje kjenner forvaltningslova godt nok. *Bergen kommune* og *Halden kommune* støttar ikkje forslaget. *Halden kommune* viser til at det er ei unødvendig dobbeltregulering i lys av reglane i forvaltningslova. Denne kommunen viser også til at kommunane skal ha eit system for internkontroll for å følgje opp etterlevinga av regelverket.

Forslaget om å vidareføre plikta til å vurdere norskferdigitetene til elevane undervegs i opplæringa, blir støtta av dei fleste høyningsinstansane som har uttalt seg. Dette er mellom anna *Barneombodet, Møre og Romsdal fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune, Vestfold og Telemark fylkeskommune* og *Oslo kommune*. *Oslo kommune* meiner det bør presiserast i lova at kommunen og fylkeskommunen skal kartleggje ferdighetene til eleven før opphør av vedtak om særskild norskopplæring. *Bergen kommune* og *Halden kommune* støttar ikkje forslaget. *Halden kommune* viser til at regelen er ei dobbeltregulering i lys av dagens forskriftsreglar om undervegsvurdering.

Det er få høyningsinstansar som har uttalt seg om forslaget om å vidareføre at morsmålsopplæring kan leggjast til ein annan skole. Forslaget blir støtta av alle som har uttalt seg om det, blant dei *Barneombodet, Møre og Romsdal fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune* og *Bergen kommune*.

Om lag 15 høyningsinstansar har uttalt seg om forslaget om å vidareføre moglegheita for innføringsopplæring og regulere dette i eigne paragrafar. Forslaget blir støtta av alle som har uttalt seg, blant dei *Barneombodet, Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring, Møre og Romsdal fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune, Vestfold og Telemark fylkeskommune, Viken fylkeskommune, Ber-*

*gen kommune, Oslo kommune og Redd Barna.* NAFO meiner dagens ordlyd om at det i vedtaket kan gjerast unntak frå læreplanverket for den aktuelle eleven i det omfanget det er nødvendig for å vareta eleven sitt behov, bør vidareførast. Jessheim vidaregående skole meiner det bør kunne gjerast vedtak om innføringsopplæring før inntil to år om gongen.

## 28.5 Departementets vurdering

### 28.5.1 Bruke nemningane tospråkleg opplæring i fag og forsterka opplæring i norsk i lova

Departementet foreslår å endre nemninga i lova frå *tospråkleg fagopplæring til tospråkleg opplæring i fag*. Endringa er berre språkleg.

Departementet foreslår også at nemninga *særskild norskopplæring* endrast til *forsterka opplæring i norsk*. *Forsterka opplæring i norsk* gir tydeleg uttrykk for det opplæringa handlar om. Enkelte høyningsinstansar meiner at nemninga i staden bør erstattast med *opplæring i norsk som andrespråk*. Denne nemninga er i dag etablert som både forskingsfag og lærarutdanningsfag. Departementet viser likevel til at nemninga *norsk som andrespråk* vart brukt i læreplansamanheng fram til 2007, då den aktuelle læreplanen vart erstatta med ein ny læreplan i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar. Departementet meiner det derfor er uheldig å bruke denne nemninga i den nye lova.

### 28.5.2 Rett til særskild språkopplæring

Departementet foreslår å vidareføre retten til særskild språkopplæring for elevar med andre morsmål enn norsk og samisk. Forslaget inkluderer retten til morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring i fag. Målet med reglane om særskild språkopplæring er at elevane skal lære seg norsk så raskt som mogleg slik at dei kan følgje den vanlege opplæringa på lik linje med andre elevar.

Gode norskkunnskapar er viktige for at elevar skal utvikle grunnleggjande ferdigheter, tilegne seg fagleg kompetanse, gjennomføre vidaregåande opplæring og kunne delta i det norske samfunnet. Departementet meiner derfor at forsterka opplæring i norsk framleis bør vere det fremste verkemiddelet for at minoritetsspråklege elevar skal kunne tilegne seg gode nok norskkunnskapar til å kunne følgje den alminnelege opplæringa i skolen. For minoritetsspråklege elevar utan norskferdigheiter eller med svært avgrensa

norskferdigheiter vil morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring i fag vere nødvendig for å lære seg norsk. Rett til morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring i fag utgjer derfor ein viktig del av den individuelle retten til særskild språkopplæring.

Forsterka opplæring i norsk inneber ei tilrettelagd norskopplæring med eit andrespråksperspektiv. Den forsterka opplæringa i norsk kan gå føre seg i eiga gruppe eller som tilpassing innanfor det ordinære norskfaget. Retten til forsterka opplæring i norsk gjeld også på årstrinn i vidaregåande opplæring der eleven ikkje har opplæring i faget norsk. Morsmålsopplæring er opplæring i morsmålet til eleven. Tospråkleg opplæring i fag inneber opplæring i fag (til dømes matematikk, naturfag eller samfunnsfag) på norsk og morsmålet til eleven eller eit anna språk eleven kan. Undervisninga blir gitt av tospråklege lærarar, og det er læreplanen i det enkelte faget som skal brukast.

Vilkåret for rett til særskild språkopplæring skal framleis vere at eleven ikkje kan norsk godt nok til å kunne følgje med i opplæringa. Departementet foreslår vidare at vilkåret for rett til morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring i fag blir formulert slik at eleven har rett til slik opplæring «om det trengst». Det betyr at kommunane og fylkeskommunane må gjennomføre skjønnsmessige vurderingar som i stor grad må basere seg på eit fagleg-pedagogisk kunnskapsgrunnlag. Det vil derfor framleis vere slik at lovreguleringa opnar for eit nødvendig skjønn. At vilkåret skal vere «om det trengst» framfor «nødvendig» som i dagens lov, er berre ei språkleg endring og inneber ikkje ei realitetsendring.

Departementet har vurdert om det er behov for å presisere retten til morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring i fag nærmare i lova. Departementet meiner det er vanskeleg å presisere dette nærmare utan at det går ut over det profesjonelle skjønnet til kommunen og fylkeskommunen og moglegheita til å gjere konkrete vurderingar ut frå behova og føresetnadene til enkelteleven. Det er vurderinga til departementet at det også er overflødig å presisere i lovteksten at elevar med kort butid i Noreg skal få tilbod om morsmålsopplæring eller tospråkleg opplæring i fag, med mindre det er openbert unødvendig. Ein elev som ikkje kan følgje den ordinære opplæringa, vil ha rett til morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring i fag når det er nødvendig for å lære norsk, jf. vilkåret «om det trengst». Dette vil særleg gjelde elevar som har budd kort tid i Noreg, og som derfor mest sannsynleg vil ha behov for morsmålsopplæ-

ring, tospråkleg opplæring i fag eller begge delar, og andre elevar med så svake norskferdigheiter at dei ikkje kan følgje opplæringa. Sjå nærmere omtale i merknadene til forslaget §§ 3-6 og 6-5.

Departementet foreslår at retten til vidaregåande opplæring skal gjelde heilt fram til den enkelte har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse. Dagens regel om rett til inntil to år ekstra opplæringstid i vidaregåande opplæring for elevar med rett til særskild språkopplæring vil dekkjast av denne retten og blir derfor ikkje vidareført. Sjå nærmere omtale i punkt 40.2.4.2.

### **28.5.3 Vurdering av norskkunnskapar før vedtak om særskild språkopplæring**

Departementet foreslår å ikkje vidareføre plikta til å kartlegge norskferdigheitene til eleven før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring. Departementet viser til at plikta til å kartlegge norskferdigheitene til eleven før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring, er utan formkrav, og at ho ikkje gir fleire plikter enn det som følgjer av forvaltningslova § 17 om plikta forvaltningsorgan har til å opplyse ei sak før det blir gjort vedtak (utgreiingsplikta). Utgreiingsplikta inneber at kommunen og fylkeskommunen må greie ut saka og gjere nødvendige vurderingar før det blir gjort vedtak. Å regulere utgreiingsplikta til kommunen og fylkeskommunen særskilt i opplæringslova er derfor overflødig og ei dobbeltregulering som etter retningslinjene for regelstyring bør unngåast, sjå punkt 4.5.7.

Departementet peiker på at forvaltningslova er ei sektorovergripande lov, og at utgreiingsplikta er ein heilt grunnleggjande saksbehandlingsregel. Departementet meiner at ein må kunne vente seg at kommunen og fylkeskommunen, som forvaltningsorgan og utøvarar av offentleg mynde, kjenner regelverket som gjeld for verksemda deira. Kommunen og fylkeskommunen må ta omsyn til alle reglane i forvaltningslova i arbeidet sitt, og det å ta inn element av denne i opplæringslova kan bidra til mindre merksemld om andre reglar og rettstryggingsgarantiar i forvaltningslova hos kommunen og fylkeskommunen som skoleeigarar.

Departementet understrekar at det er viktig med ein god praksis for vurdering av norskferdigheitene til elevane. Dette er for å sikre at retten til særskild språkopplæring blir varetaken, og at opplæringstilbodet blir tilpassa det individuelle behovet til elevane. Utdanningsdirektoratet har utvikla eit kartleggingsverktøy i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar som er frivillig for

kommunen og fylkeskommunen å bruke (*Kartleggingsverktøy i grunnleggende norsk (2021)*).

### **28.5.4 Jamleg vurdere ferdighetene til eleven i norsk undervegs i opplæringa**

Departementet foreslår å vidareføre dagens regel om at kommunen og fylkeskommunen jamleg skal vurdere om ein elev med vedtak om særskild språkopplæring kan norsk godt nok til å følgje den ordinære opplæringa.

Departementet er samd med innspill i høyringa om at det følgjer av dei generelle forskriftsreglane om undervegsvurdering at også språkkompetansen til eleven skal kartleggjast undervegs i opplæringa. Departementet meiner det likevel framleis bør gå uttrykkjeleg fram av lova at skolen jamleg skal vurdere om eleven kan norsk godt nok til å følgja opplæringa på norsk. Departementet viser til at vurderinga skal gi grunnlag for å avgjere når eleven kan norsk godt nok til å følgje vanleg opplæring, eller at det ikkje lenger er behov for opplæring i morsmål eller tospråkleg opplæring i fag. Vurderinga skal sikre at elevane får realisert overgangen til den ordinære opplæringa når ferdighetene til elevane i norsk tilseier det. Kor lang tid det må gå mellom kvar vurdering, må vurderast konkret i kvart enkelt tilfelle.

### **28.5.5 Særlege reglar om organiseringa av morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring i fag**

Departementet foreslår å vidareføre at kommunen og fylkeskommunen kan velje å leggje opplæringa i morsmål til ein annan skole enn den eleven går på til vanleg. For grunnskoleelevar utgjer dette eit unntak frå retten til å gå på ein skole i nærmiljøet, sjå forslaget til § 2-6. At morsmålsopplæring kan leggjast til ein annan skole, har samanheng med at morsmålsopplæring blir gitt i tillegg til det ordinære timetalet. Særskild norskopplæring og tospråkleg opplæring i fag skal givast ved skolen eleven går på til vanleg. Dei ulike skolane i ein kommune eller eit fylke kan ha elevar med same morsmål og det same opplæringsbehovet. Det er heller ikkje gitt at den enkelte skolen har tilgang til lærarar med same morsmål og kompetanse til å gi slik opplæring.

Føresetnaden for å gi morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring i fag er at det er eigna undervisningspersonale i kommunen eller fylkeskommunen. Når slik opplæring ikkje kan givast av eigna undervisningspersonale, kan kommunen og fylkeskommunen leggje til rette for alternative

opplæringsformer innanfor dei rammene som er gitt i lova. Departementet foreslår ei generell regulering av fjernundervisning i den nye lova, sjå forslaget til § 14-4 og omtalen i punkt 15. Etter forslaget til § 14-4 gjeld det visse vilkår for at opplæringa kan givast som fjernundervisning. Departementet legg til grunn at dersom det det ikkje finst eigna undervisningspersonale som kan undervise i morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring i fag, vil vilkåret om gode grunnar vere oppfylt. Vidare må det vere trygt og pedagogisk forsvarleg å gjennomføre opplæringa som fjernundervisning, og fjernundervisning må gjennomførast slik at elevane og læraren kan kommunisere effektivt. Desse krava følgjer ikkje eksplisitt av lova i dag når det gjeld bruk av fjernundervisning i morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring i fag. Det vil likevel ikkje innebere ei vesentleg innskjerping ettersom all opplæring skal vere forsvarleg.

Departementet viser vidare til at opplæringa kan organiserast innanfor rammene av forslaget til § 14-2 om inndeling i klassar og grupper, og at opplæringa kan givast som intensiv opplæring for elevar frå 1. til 4. trinn etter forslaget til § 11-3. Elevane kan også ha rett til individuelt tilrettelagd opplæring, jf. forslaget til § 11-6. Opplæringa skal elles tilpassast evnene og føresetnadene til elevane, jf. § 11-1. Departementet meiner derfor at kommunen og fylkeskommunen vil ha tilstrekkelege mogleigheter til å tilpasse opplæringa i dei tilfella der det ikkje finst eigna undervisningspersonele.

### **28.5.6 Innføringsopplæring**

Departementet foreslår å vidareføre at kommunen og fylkeskommunen kan gi elevar som har budd kort tid i Noreg, og som har fått vedtak om særskild språkopplæring, opplæring i eigne grupper, klassar eller skolar, ofte omtalt som innføringsstilbod. Departementet foreslår, i tråd med forslaget til opplæringslovutvalet, å kalle slik opplæring for innføringsopplæring. Innføringsopplæring er viktig for minoritetsspråklege elevar som nyleg har komme til Noreg, og som ikkje kan norsk godt nok til å følgje den ordinære opplæringa. Særleg elevar som har behov for alfabetisering, og elevar som kjem til Noreg seint i skoleløpet, kan ha nytte av å få slik innføringsopplæring. I vurderinga av om vilkåret om kort butid er oppfylt, skal omsynet til integrering vege tungt. Innføringsopplæring kan givast for heile eller delar av opplæringa.

Departementet meiner at det framleis skal vere frivillig for elevar som har budd kort tid i

Noreg, å få innføringsopplæring. Elevane må slik departementet ser det, få velje å gå i ordinær klasse sjølv om kommunen eller fylkeskommunen tilbyr innføringsopplæring. Departementet foreslår derfor å vidareføre at eit slikt opplæringstilbod krev samtykke fra eleven sjølv eller foreldra.

Departementet vurderer også at det framleis skal vere opp til kommunen og fylkeskommunen å vurdere om opplæringa skal organiserast på denne måten. Bakgrunnen for innføringa av ei slik frivillig ordning er omtalt i Prop. 84 L (2011–2012) *Endringar i opplæringslova og privatskolelova (undervisningskompetanse m.m.)*, punkt 5.4.2:

Departementet har vurdert om det bør innførast plikt for skoleeigaren til å tilby opplæring organisert på denne måten, slik at eleven får rett til innføringsstilbod. Argument som kan tale for ei slik rettsfesting er å sikra lik form for tilbod uavhengig av kvar elevane bur. På den andre sida er det store variasjonar i kommunestorleikar, og spesielt små kommunar kan få problem med å oppfylle eit slikt krav. Departementet viser også til at enkelte kommunar ikkje har behov for slike innføringsstilbod, og at andre kommunar ikkje har eit tilstrekkeleg tal nykomne minoritetsspråklege elevar til å få organisert tilboden i eigne grupper. Departementet meiner på bakgrunn av dette at det ikkje skal innførast ei plikt for skoleeigaren, men at regelverket skal opne for denne typen innføringsstilbod som skoleeigaren sjølv kan vurdere om skal setjast i gang. Det blir dermed heller ikkje foreslått nokon rett til å få eit innføringsstilbod.

Tidsavgrensinga på to år for innføringsopplæring er meint å sikre at elevane kjem over i ein ordinær klasse så raskt som mogleg. Omsynet til inkludering og integrering tilseier at elevane ikkje bør få opplæring i særskilde grupper for lenge. Sjølv om grensa for innføringsopplæring er på to år, er det viktig at eleven ikkje får innføringsopplæring i eigne grupper lenger enn det er behov for. Departementet foreslår derfor å vidareføre at eit vedtak om innføringsopplæring berre kan gjerast før inn til eitt år om gongen. I vedtaket kan det gjerast unntak frå læreplanar i fag og frå fag- og timefordelinga. Vurderinga må ta utgangspunkt i behovet til eleven og kva som er til det beste for eleven, sjá forslaget til § 10-1. Det må derfor vurderast konkret for kvar enkelt elev om og i kva omfang det skal gjerast unntak frå fag- og timefordelinga i læreplanverket. Opplæringa må tilpassast føreset-

nadene til eleven, og eleven må sikrast eit forsvarleg utbytte av opplæringa.

Det er ei utfordring at enkelte ungdommar som i dag startar i vidaregåande opplæring, ikkje har tilstrekkelege føresetnader for å delta i, fullføre og bestå vidaregåande opplæring. I punkt 40 foreslår departementet å gi fylkeskommunane plikt til å ha overgangstilbod for elevar som manglar faglege føresetnader, språklege føresetnader eller begge delar, slik at dei kan delta i og bestå vidaregåande opplæring.

## **28.6 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å vidareføre retten til særskild språkopplæring, inkludert morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring i fag, sjå forslaget til §§ 3-6 første ledd og 6-5 første ledd
- å endre nemningar frå særskild norskopplæring til forsterka opplæring i norsk og frå

tospråkleg fagopplæring til tospråkleg opplæring i fag, sjå forslaget til §§ 3-6 og 6-5

- å ikkje vidareføre regelen om plikt til å kartlegge ferdighetene til eleven i norsk før kommunane eller fylkeskommunane gjer vedtak om særskild språkopplæring
- å vidareføre plikta kommunane og fylkeskommunane har til å vurdere ferdighetene til eleven i norsk undervegs i opplæringa, sjå forslaget til §§ 3-6 andre ledd og 6-5 andre ledd
- å vidareføre regelen om at kommunane og fylkeskommunane kan bestemme at eleven skal få opplæringa i morsmål ved ein annan skole enn den eleven går på, sjå forslaget til §§ 3-6 tredje ledd og 6-5 tredje ledd
- å vidareføre retten kommunane og fylkeskommunane har til å organisere heile eller delar av opplæringa i eigne klassar, grupper eller på eigne skolar (innføringsopplæring), og at dette blir regulert i eigne paragrafer, sjå forslaget til §§ 3-7 og 6-6

## 29 Opplæring i og på norsk teiknspråk

### 29.1 Innleiing

Dette punktet handlar om rettane elevar har til å få opplæring i og på teiknspråk. Med teiknspråk siktar ein her til norsk teiknspråk.

Ulike land har dei nasjonale teiknspråka sine, og norsk teiknspråk er eit fullverdig språk med eigne grammatiske reglar og setningsoppbygning. Norsk teiknspråk er som språkleg og kulturtelt uttrykk likeverdig med norsk, jf. språklova § 7 andre ledd.

Ifølgje Noregs Døveforbund er det om lag 16 500 brukarar av norsk teiknspråk. I skoleåret 2021–2022 var det 276 elevar i grunnskolen som hadde opplæring i og på teiknspråk.

Regjeringa utnemnde 13. august 2021 eit offentleg utval som skal greie ut situasjonen for norsk teiknspråk. Utvalet skal levere rapporten sin (NOU) innan 1. juni 2023.

### 29.2 Dagens reglar

#### 29.2.1 Noregs folkerettslege forpliktingar

FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne (CPRD) artikkel 24 gir staten plikt til å sikre eit inkluderande utdanningssystem. I tredje leddet bokstav b er det oppgitt korleis dette kan skje ved «å legge til rette for innlæring av tegnspråk og fremme av døvesamfunnets språklige identitet».

#### 29.2.2 Opplæringslova

Opplæringslova § 2-6 inneholder reglar om opplæring i og på teiknspråk i grunnskolen, medan opplæringslova § 3-9 inneholder reglar om teiknspråkopplæring i vidaregående opplæring. Med teiknspråk siktar ein her til norsk teiknspråk.

Ifølgje § 2-6 har elevar i grunnskolen som har teiknspråk som førstespråk, eller som etter sakunnig vurdering har behov for slik opplæring, rett til grunnskoleopplæring i og på teiknspråk. Paragrafen opnar for at teiknspråkopplæringa kan givast på ein annan stad enn nærskolen.

Opplæringslova § 2-6 om teiknspråkopplæring i grunnskolen blir i dag forstått slik at elevar som har rett til opplæring i og på teiknspråk, og som gjer bruk av denne retten, *skal* følgje læreplanen for norsk for døve og sterkt tunghørte, læreplanen for norsk tegnspråk, læreplanen for engelsk for døve og sterkt tunghørte og læreplanen for drama og rytmikk for døve og sterkt tunghørte, jf. merknadene til paragrafen i Ot.prp. nr. 40 (2007–2008) s. 44.

I § 3-9 er det reglar om teiknspråkopplæring for elevar som har rett til vidaregående opplæring, og som har teiknspråk som førstespråk, eller som etter sakunnig vurdering har behov for slik opplæring. Desse elevane har rett til å velje opplæring i og på teiknspråk på skolar som har slike tilrettelagde opplæringstilbod, eller rett til å velje å bruke tolk i ordinære vidaregående skolar. Elevar med rett til opplæring i og på teiknspråk har rett til to ekstra år med vidaregående opplæring dersom dei treng det, jf. opplæringslova § 3-1 femte ledd.

Før kommunen gjer enkeltvedtak om opplæring i og på norsk teiknspråk, må det innhentast ei sakunnig vurdering frå den pedagogisk-psykologiske tenesta (PP-tenesta). Sjå meir i punkt 27 om dette.

Elevar som har vedtak om teiknspråkopplæring etter §§ 2-6 og 3-9, kan samtidig ha vedtak om spesialundervisning. Opplæring i og på norsk teiknspråk kan slik også inngå som del av eit vedtak om spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-1.

#### 29.2.3 Forskrifter til opplæringslova

Departementet har fastsett eigne læreplanar i nokre fag for elevar som får opplæring etter opplæringslova § 2-6, og elevar på skolar med tilrettelagde opplæringstilbod etter opplæringslova § 3-9 andre ledd. Det er eigen læreplan i norsk for elevar med teiknspråk, drama og rytmikk for elevar med teiknspråk, engelsk for elevar med teiknspråk og norsk teiknspråk. I alle andre fag gjeld ordinære læreplanar.

Elevar i grunnskolen som får opplæring i og på norsk teiknspråk etter § 2-6, skal følgje lære-

planane for høyrselshemma/elevar med teiknspråk og fag- og timefordelinga for elevar med teiknspråk som førstespråk. Dei som følgjer fag- og timefordelinga for elevar med teiknspråk som førstespråk, har 967 timar meir enn elevar som følgjer ordinær fag- og timefordeling, spreidde på 1. til 10. trinn. Dersom ein elev berre ønskjer opplæring i norsk teiknspråk eller ønskjer opplæring i og på norsk teiknspråk, men samtidig å følgje alle ordinære læreplanar, kan eleven ha rett til dette gjennom vedtak om spesialundervisning, jf. § 5-1. Dette utløyser likevel ikkje rett til utvida timetal.

Kommunane kan velje å tilby norsk teiknspråk som eitt av dei framandspråka dei tilbyr etter forskrift til opplæringslova § 1-8. I vidaregåande skole er elevar som får opplæring i teiknspråk, fritekne frå kravet om opplæring i framandspråk, jf. forskrift til opplæringslova § 1-10 andre ledd.

Dagens opplæringslov § 3-9 om teiknspråk i den vidaregåande skolen inneheld ein forskriftsheimel i femte ledd som gir departementet høve til å gi nærmere forskrifter, mellom anna om inntak. Departementet vil kommentere at forskriftsheimelen er svært vid. I dag er det berre gitt éin forskriftsregel. Forskrift til opplæringslova § 19-5 er fastsett i medhald av opplæringslova §§ 3-9 og 13-4. Forskriftsregelen omhandlar det økonomiske ansvaret fylkeskommunen har for utgifter til kost og losji osv. for elevar som får opplæring etter opplæringslova § 3-9, og som må flytte heimanfrå for å få opplæring.

#### 29.2.4 Andre regelverk

Det følgjer av språklova § 7 at norsk teiknspråk er det nasjonale teiknspråket i Noreg, og at som språkleg og kulturelt uttrykk er norsk teiknspråk likeverdig med norsk.

Likestillings- og diskrimineringslova § 21 gir elevar og studentar med funksjonsnedsetjingar rett til individuell tilrettelegging av lærestad, undervisning, lærermiddel og eksamen.

### 29.3 Høyringsforslaget

Departementet foreslo

- å vidareføre retten til opplæring i og på norsk teiknspråk
- å endre vilkåret for å få rett til opplæring i og på norsk teiknspråk. Vilkåret skal vere at ein elev har «høyrselshemming»
- å innføre at grunnskoleelevar med høyrselshemming får rett til å velje opplæring i norsk teiknspråk etter læreplanen for norsk teikn-

språk, med ekstra timeressurs. Elevane kan velje å følgje ordinære læreplanar i alle andre fag

- å vidareføre dagens reglar om at nærskoleprinsippet ikkje gjeld for grunnskoleelevar som vel opplæring i og på norsk teiknspråk, slik at kommunane kan vedta at opplæringa skal givast ved ein annan skole
- at elevar som vel opplæring berre i teiknspråk, skal ha rett til å gå på nærskolen sin i andre fag, men at det bør opnast for at opplæringa i norsk teiknspråk kan leggjast på ein annan skole
- å innføre at elevar med høyrselshemmning får høve til sjølve å velje opplæring i og på norsk teiknspråk frå 8. trinn
- å innføre at elevar med høyrselshemmning som går i ordinære vidaregåande skolar, og som bruker tolk, skal ha rett til å kunne velje å få opplæring i faget norsk teiknspråk med utvida timetal

Med dette høyringsforslaget følgde departementet opp forslagene frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 34. Opplæringslovutvalet foreslo ikkje at elevar med høyrselshemmning som går i ordinære vidaregåande skolar, og som bruker tolk, skal ha rett til å kunne velje å få opplæring i faget norsk teiknspråk, men foreslo at departementet skulle greie ut dette nærmare. I høyringsforslaget foreslo departementet å innføre ein slik rett, sjå siste strekpunkt over.

### 29.4 Høyringsinstansanes syn

#### 29.4.1 Retten til opplæring i og på norsk teiknspråk

Det er om lag 35 høyringsinstansar som har uttalt seg om departementets forslag til nye reglar om teiknspråkopplæring. Alle dei som uttaler seg, støttar generelt vidareføringa av retten til opplæring i og på norsk teiknspråk. Blant desse er *Barneombodet, Statsforvaltaren i Vestland, Språkrådet, Utdanningsdirektoratet, ei rekke fylkeskommunar og kommunar, Noregs lærarmållag, Noregs Døveforbund, Redd Barna og Utdanningsforbundet*.

*Signo skole- og kompetansesenter* ønskjer at det kjem klart fram i lovteksten at avgjerder som gjeld rett til opplæring i og på teiknspråk, er enkeltvedtak. *Signo skole- og kompetansesenter* støttar langt på veg at departementet legg opp til å redusere lovteksten mest mogleg der forvaltningsmessige eller andre rettslege forhold blir regulerte av anna lovgiving, men er likevel bekymra for at kravet om enkeltvedtak i samband med opplæring etter § 3-4

i den nye lova lett kan bli oversett om det ikkje blir tydelegare at det skal gjerast slikt vedtak.

Ei rekke av høyringsinstansane har innspel til dei konkrete vilkåra for og rekkjevidda av retten til opplæring i og på norsk teiknspråk. Desse innspela blir omtalte nedanfor.

#### **29.4.2 Hørselshemming som vilkår for rett til opplæring i og på norsk teiknspråk**

Høyringsinstansane er delte i spørsmålet om hørselshemming skal vere vilkåret for å ha rett til opplæring i og på norsk teiknspråk. 15 høyringsinstansar støttar forslaget, éin støttar forslaget delvis, og 10 høyringsinstansar støttar ikkje forslaget. Blant dei som støttar forslaget, er ei rekje kommunar, *Redd Barna* og *Utdanningsforbundet*. *Sola kommune* er samd med departementet i at det bør vere låg terskel for kva som skal reknast som hørselshemming.

Fleire av høyringsinstansane som støttar forslaget, trekkjer likevel fram betydninga av at departementet greier ut ei utviding av retten til opplæring i teiknspråk, slik at han også gjeld for elevar med teiknspråkbrukarar i nære relasjoner, som til dømes søsken av hørselshemma. Mellom anna *Barneombodet*, *Oslo kommune* og *Sola kommune* har gitt innspel om dette.

*Redd Barna* trekkjer fram at det er positivt at retten til teiknspråkopplæring gjeld alle grunnskoleelevar som har hørselshemming, og ikkje berre barn som har teiknspråk som førstespråk.

Blant høyringsinstansane som ikkje støttar forslaget, er *Språkrådet*, *Statped*, *Elevorganisasjonen*, *Hørselhemmede barns organisasjon*, *Noregs døveforbund*, *Signo skole- og kompetansesenter* og *Unge funksjonshemmede*.

Dei aller fleste høyringsinstansane som ikkje støttar forslaget, meiner at vilkåret om hørselshemming ikkje femnar breitt nok og burde ha inkludert elevar med teiknspråkbrukarar i nære relasjoner, som barn og søsken av døve. *Språkrådet* og *Norges Døveforbund* er blant desse. *Språkrådet* foreslår at vilkåret blir endra til «elevar med teiknspråklig bakgrunn». *OsloMet* uttaler at det er uheldig at retten til å lære norsk teiknspråk blir avgrensa til elevar med hørselshemming, fordi norsk teiknspråk, slik som andre språk, blir brukt i samhandling med andre. *Hørselhemmede barns organisasjon* meiner at å tufte retten til å få opplæring i og på teiknspråk på ei funksjonshemming ikkje er til det det beste for barn. Enkelte av høyringsinstansane, mellom anna *Statped*, *Unge funksjonshemmede* og *YS* ønsker vidareføring av dagens vilkår fordi dagens vilkår etter deira syn

gir elevar med teiknspråkbrukarar i nære relasjoner rett til opplæring i teiknspråk. Fleire av høyringsinstansane, mellom anna *Språkrådet*, peikar også på at forslaget ikkje speglar av statusen til norsk teiknspråk, og viser til at språklova slår fast at norsk teiknspråk har status som språk.

*Signo skole- og kompetansesenter* ønsker også eit breiare vilkår enn hørselshemming og viser til at høyrande elevar med andre kommunikasjons- og språkutfordringar blir ekskluderte med vilkåret. Høyringsinstansen meiner at det verkar urimeleg at til dømes eit høyrande barn med ein type auditory prosesseringsvanskars som tilseier at teiknspråk er det mest tilgjengelege språket, eller barn med ein autismespekteidiagnose som blir meir språkleg aktive når kommunikasjonen er basert på ein visuell og gestuell modalitet, skal avskjerast frå å få opplæring etter den nye paragrafen fordi denne er avgrensa til å gjelde elevar med hørselshemming. Høyringsinstansen meiner at sjølv om denne gruppa antakeleg også vil ha behov for individuell tilrettelagd opplæring, er ikkje det eit argument for ikkje også ha rettar etter ny § 3-4.

Dei aller fleste høyringsinstansane som uttaler seg, støttar forslaget om å fjerne kravet til sakkunig vurdering som vilkår for vedtak om opplæring i og på teiknspråk. Sjå punkt 27 for ein nærmere omtale av dette.

#### **29.4.3 Gi grunnskoleelevar med hørselshemming rett til å velje opplæring i norsk teiknspråk og moglegheita til å følgje ordinære læreplanar i alle andre fag**

Alle høyringsinstansar som uttaler seg, støttar heilt eller delvis forslaget om at grunnskoleelevar med hørselshemming skal få rett til å velje opplæring i norsk teiknspråk etter læreplanen for norsk teiknspråk, med ekstra timeressurs, og at elevane kan velje å følgje ordinære læreplanar i alle andre fag. Blant desse er *Statped*, *Trondheim kommune* og *Oslo kommune*. *Barneombodet* støttar at retten til teiknspråk blir gjort tilgjengeleg for fleire. *Signo skole- og kompetansesenter* støttar den auka fleksibiliteten og valfridommen som forslaget legg opp til, og reknar det som ei naturleg og god endring at ny lov legg til rette for at elevar og foreldre kan velje blant fleire moglegheiter for opplæringa, under dette val av læreplanar. *Hørselhemmede barns organisasjon* støttar ei meir fleksibel tilnærming til læreplanane enn i dag, føresett at det tydeleg blir presisert at retten til å velje

læreplan ligg hos føresette og barnet, ikkje kommunen.

#### **29.4.4 Unntak frå retten til å gå på nærskolen**

Enkelte høyningsinstansar har kommentarar til forslaget om å vidareføre dagens reglar om at nærskoleprinsippet ikkje gjeld for grunnskoleelevar som vel opplæring i og på teiknspråk.

*Statped* foreslår at kommunane skal ha plikt til å tilby opplæring i og på teiknspråk på ein alternativ opplæringsarena, dersom dei sjølv har kompetanse til å gi teiknspråkleg opplæring og vareta behovet eleven har for å vere ein del av eit teiknspråkleg miljø.

*Språkrådet* meiner det er uheldig at kommunen med utgangspunkt i ressurssituasjonen skal kunne bestemme at eleven skal få opplæring i norsk teiknspråk på ein annan skole enn skolen eleven og foreldra ønsker.

*Norges døveforbund* støttar at unntaket frå retten til å gå på nærmeste skole blir vidareført, men meiner kommunane må oppmodast til å i større grad samarbeide om og jobbe for å tilby interkommunale tilbod til denne gruppa elevar. Forbundet viser til at det er mange skolar der elevar med rett til opplæring i og på teiknspråk ikkje får tilgang til eit adekvat teiknspråkleg stimulerande miljø.

*Signo skole- og kompetansesenter* meiner at ny lov på ein tydelegare måte enn det forslaget legg opp til, må gi eleven rett til å få delar av opplæringa i eit teiknspråkleg miljø og om nødvendig på ein alternativ opplæringsarena.

#### **29.4.5 Rammene for opplæring i teiknspråkleg miljø og fjernundervisning**

Enkelte høyningsinstansar har innspel til bruk av fjernundervisning for teiknspråkbrukarar i grunnskolen.

*Statped* støttar forslaget til reglar om fjernundervisning under føresetnad av at fjernundervisning berre er eit supplement til fysisk undervisning, og ikkje fører til ei nedprioritering av ansvaret til kommunen for å gi teiknspråkopplæring til elevane sine.

Fleire høyningsinstansar er kritiske til forslaget om fjernundervisning, mellom anna *Språkrådet*, *Hørselhemmede barns organisasjon* og *Norges Døveforbund*, som trekker fram at det tredimensionale teiknrommet forsvinn ved fjernundervisning. *Språkrådet* viser også til at det er vanskelegare å lære teiknspråkleg turtaking via skjerm. I fysiske teiknspråklege samtalar med fleire enn to

bruker deltakarane blikket, vridinga til kroppen, armane og posisjonen til hendene og eventuelt peiking for å vise kven ein snakk til. Desse visuelle samtaleferdighetene blir berre utvikla når ein samhandlar fysisk med andre. *Norges Døveforbund* viser også til at det tydeleg kom fram under koronapandemien at elevane opplevde det som krevjande å følgje digital undervisning gjennom skjerm.

Fleire høyningsinstansar meiner at forslaget vil føre til at det teiknspråklege læringsmiljøet blir svekt. *Norges Døveforbund* viser til at skolen er ein særskilt sosialiseringarena, og at fjernundervisning avgrensar moglegheitene ei minoritetsgruppe har til å utforske og utvikle sin eigen kultur. *Hørselhemmede barns organisasjon* viser til at språk blir utvikla i samhandling med andre i gode språkmiljø.

#### **29.4.6 Avgjerdsmahta til elevane**

Høyningsinstansane er generelt positive til forslaget om at elevar sjølv skal kunne velje opplæring i og på norsk teiknspråk frå 8. trinn. Av dei tolv høyningsinstansane som uttaler seg om forslaget, støttar elleve forslaget heilt eller delvis. Blant desse er *Barneombodet*, *Elevorganisasjonen* og *Unge funksjonshemmede*. *Norges døveforbund* ønsker at elevar i grunnskolen skal få vere med og bestemme opplæringsspråk i undervisninga, men at foreldre skal ta den endelige avgjerdna.

*Signo skole- og kompetansesenter* meiner at elevar frå 8. trinn ikkje skal givast full sjølvråderett til å velje bort opplæring i og på teiknspråk, men at retten for barnet bør avgrensast til å gjelde opplæring i faget norsk teiknspråk. *Signo skole- og kompetansesenter* meiner det er feil å gi barn ned til 12 års alder etterhaldslaus sjølvråderett i spørsmålet.

*Språkrådet* støttar ikkje forslaget og viser mellom anna til at farene for elevane som vel bort teiknspråk, endar opp med å ikkje meistre verken norsk teiknspråk eller norsk fullt ut. *Språkrådet* meiner at det er vanskeleg for hørselshemmede elevar på ungdomstrinnet å ha full oversikt over konsekvensane av å velje bort teiknspråkopplæring. Dei bør derfor sleppe å bli stilte overfor eit slikt val.

#### **29.4.7 Rett til opplæring i teiknspråk for elevar som bruker tolk i ordinære vidaregåande skolar**

Av dei tolv høyningsinstansane som uttaler seg, støttar elleve forslaget om at elevane som går i ordinære vidaregåande skolar, og som bruker

teiknspråktolk, kan velje å få opplæring i faget norsk teiknspråk med utvida timetal. Blant høyingsinstansane som støttar forslaget, er *Barneombodet, Noregs døveforbund* og *Unge funksjonshemmede*.

#### **29.4.8 Forskriftsheimel for teiknspråkopplæring i vidaregående opplæring**

Ingen høyingsinstansar har kommentarer til at forskriftsheimelen i dagens opplæringslov § 3-9 siste ledd ikkje blir foreslått vidareført i høyringa om ny opplæringslov.

### **29.5 Departementets vurdering**

#### **29.5.1 Retten til opplæring i og på norsk teiknspråk**

Departementet foreslår å vidareføre retten til å få opplæring i og på teiknspråk.

I CPRD artikkel 24 tredje avsnitt bokstav b går det fram at traktatspartane skal «legge til rette for innlæring av tegnspråk og fremme av døvesamfunnets språklige identitet». Departementet meiner at reglane i lovforslaget om opplæring i og på norsk teiknspråk varetar konvensjonspliktene på dette punktet.

Elevar med rett til opplæring i og på teiknspråk har i dag rett til to ekstra år med vidaregåande opplæring dersom dei treng det, jf. opplæringslova § 3-1 femte ledd. Denne regelen blir foreslått ikkje vidareført, ettersom departementet foreslår ein generell rett til vidaregåande opplæring fram til den enkelte har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse, jf. punkt 40.2.4.2.

Departementet har merka seg innspelet frå *Signo skole- og kompetancesenter* om at det bør komme fram av lovteksten at avgjerder om å gi elevar opplæring i og på teiknspråk er enkeltvedtak. Det er ikkje tvilsamt at slike avgjerder er å rekne som enkeltvedtak etter forvaltningslova. Departementet meiner at ei presisering av at slike avgjerder er enkeltvedtak, inneber ei dobbeltregulering som bør unngåast. Departementet viser til den nærmere grunngivinga for å unngå dobbeltregulering i punkt 4.5.7.

#### **29.5.2 Høyrselshemming som vilkår for rett til opplæring i og på norsk teiknspråk og fjerning av kravet til sakkunnig vurdering**

Departementet meiner at høyrselshemming, utan krav til graden av denne, som inngangsvilkår for å få rett til opplæring i og på norsk teiknspråk er fornuftig. Sjølv om mange med høyrselshemming i dag har betre og meir avanserte høyreapparat eller cochleaimplantat, slik at elevane i og for seg kan høre, vil det likevel i mange tilfelle kunne vere vanskeleg å definere kva som er førstespråket til ein elev.

Kva som er ei høyrselshemming, er ei medisinfagleg vurdering. Departementet meiner at det bør vere ein låg terskel for kva som skal reknast som høyrselshemming, og det skal ikkje vere krav til graden av høyrselshemming. Til dømes vil elevar som har cochleaimplantat, falle innanfor vilkåret.

Departementet legg til grunn at det normalt sett ikkje skal vere nødvendig å innhente dokumentasjon i vurderinga av om ein elev har høyrselshemming. Ei sakkunnig vurdering vil likevel kunne bidra til at tilrettelegginga får rett omfang og kvalitet. Kommunen eller fylkeskommunen må derfor vurdere om det bør innhentast ei sakkunnig vurdering i kraft av utgreiingsplikta dei har for å legge til rette og organisere undervisninga best mogleg, jf. forvaltningslova § 17 første ledd første punktum. Departementet understrekar at sjølv om ei sakkunnig vurdering etter omstenda kan vere nødvendig for at undervisninga skal bli organisert så godt som mogleg, blir ikkje sakkunnig vurdering vidareført som eit *vilkår* for retten til å få opplæring i og på teiknspråk. Sjå nærmare om dette i punkt 27.

Departementet anerkjenner innvendingane som har komme frå høyingsinstansane til forslaget om å bruke høyrselshemming som vilkår. Nokre er opptekne av at lova skal leggje til rette for at elevar kan gjere eit språkval, og at dette ikkje handlar om ei funksjonsnedsetjing. Andre er opptekne av at vilkåret er for snevert og ikkje femnar om elevar som ikkje har ei høyrselshemming, til dømes barn og søsken av høyrselshemma. I tillegg kan enkelte elevar ha andre kommunikasjonsutfordringar som gjer tilgang på opplæring i norsk teiknspråk viktig.

Departementet held fast på forslaget om at retten til opplæring i og på norsk teiknspråk skal knytast til elevar som sjølve har ei høyrselshemming.

Departementet er samd i at det finst grupper med høyrande elevar med andre kommunikasjons- eller språkutfordringar, som kan ha behov for opplæring i og på teiknspråk. Eit døme er elevar med autismespekterdiagnose som blir meir språkleg aktive når kommunikasjonen er basert på ein visuell og gestuell modalitet. Departementet meiner det er viktig å vareta desse elevane og meiner dei vil varetakast gjennom reglane om individuelt tilpassa opplæring. Elevar med kommunikasjons- og språkutfordringar som ikkje er hørselshemma, kan ha rett til opplæring i og på teiknspråk gjennom vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring, sjå punkt 25. Elevane kan også ha rett til alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK), sjå punkt 26.

Forslaget til departementet inneber at elevar som ikkje sjølv har hørselshemming, men som står i ein nær relasjon til ein teiknspråkbrukar, ikkje vil ha rett til opplæring i teiknspråk etter paragrafen.

Spørsmålet om elevar som har teiknspråkbrukarar i nære relasjoner, bør få rett til opplæring i norsk teiknspråk, er noko både interesseorganisasjonar og departementet er opptekne av. I august 2021 vart det utnemnt eit offentleg utval som skal gjere ein gjennomgang av teiknspråkfeltet. Ein eventuell rett til opplæring i teiknspråk for elevar som har teiknspråkbrukarar i nære relasjoner, kan vurderast i samband med oppfølginga av utgreiinga frå teiknspråkutvalet.

Departementet nemner vidare at Utdanningsdirektoratet nettopp har avslutta ei prøveordning med opplæring i teiknspråk for elevar som har teiknspråkbrukarar i nære relasjoner, gjennom den såkalla stimuleringsordninga. Statped har bidrige i arbeidet. Utdanningsdirektoratet leverte sluttrapport for arbeidet i oktober 2022. Departementet er i gang med å følgje opp rapporten.

### **29.5.3 Gi grunnskoleelevar med hørselshemmning rett til å velje opplæring i norsk teiknspråk og moglegheita til å følgje ordinære læreplanar i alle andre fag**

Som gjort greie for under dagens reglar, blir dagens § 2-6 om teiknspråkopplæring i grunnskolen forstått slik at elevar som har rett til opplæring i og på teiknspråk, og som gjer bruk av denne retten, skal følgje læreplanane for døve og sterkt tunghørde. Dette inneber at elevar som gjer bruk av retten etter dagens § 2-6, må få opplæring

både i og på teiknspråk og ikkje kan velje berre å få opplæring i faget teiknspråk.

Departementet meiner det er tenleg med auka fleksibilitet for hørselshemma elevar i grunnskolen, og foreslår derfor ikkje å vidareføre denne forståinga i lovforslaget § 3-4. Dette inneber at ordlyden «rett til opplæring i og på norsk teiknspråk» ikkje skal forståast som ei *plikt* for eleven til å velje begge delar. Departementet foreslår at grunnskoleelevarne med rett til opplæring i og på teiknspråk skal kunne velje om dei ønskjer å nytte seg av begge rettane eller berre éin. Konsekvensen blir at elevane kan velje mellom å få opplæring – i faget norsk teiknspråk etter læreplanen i norsk teiknspråk og elles følgje «ordinære» læreplanar

eller

- i og på norsk teiknspråk, dvs. å følgje alle læreplanane for elevar med teiknspråk og få opplæring på teiknspråk også i dei faga der det ikkje er utarbeidd eigne læreplanar

Departementet presiserer at det er foreldra og eleven sjølv fra og med 8. klasse (sjå punkt 29.5.6) som skal ta valet, ikkje kommunen.

Departementet meiner at forslaget harmoniserer betre med andre reglar om språk, til dømes reglane om samisk, sjå punkt 30. Ei valmoglegheit kan stimulere til at fleire med hørselshemming vel å lære seg teiknspråk. Fleire i miljøa opplyser om at dagens krav har ført til at elevar ikkje vel opplæring i teiknspråk i det heile. Samtidig vil ein slik fleksibilitet kunne ha positive konsekvensar for storleiken på språkmiljøa for elevar som vel opplæring i og på teiknspråk i eigne grupper eller på eigne skolar. Departementet viser også til at departementets forslag har fått brei støtte i høyringa, og at auka fleksibilitet i tilgangen til opplæring har vore ønskt over lang tid av fleire aktørar på teiknspråkfeltet.

Departementet vil vurdere nødvendige preseringar i forskrifter om læreplanar for døve og sterkt tunghørde, for å gjere tydeleg valretten dei aktuelle elevane har. Departementet vil også vurdere å sørge for at elevar som berre vel opplæring i faget teiknspråk, også får rett til utvida timetal, slik elevar som får opplæring i og på teiknspråk etter dagens § 2-6, har det.

Departementet presiserer at det, som i dag, vil vere fullt mogleg å kombinere opplæring i og på teiknspråk med opplæring på grunnlag av vedtak om individuelt tilrettelagd undervisning.

#### **29.5.4 Unntak frå retten til å gå på nærskolen**

Departementet foreslår å vidareføre dagens reglar om at nærskoleprinsippet ikkje gjeld for grunnskoleelevar som vel opplæring i og på norsk teiknspråk, sjá omtale i punkt 12. Det vil seia at kommunane kan vedta at opplæringa skal givast ved ein annan skole.

Departementet foreslår også at elevar som vel opplæring berre i norsk teiknspråk, skal ha rett til å gå på nærskolen sin i andre fag, men at det bør opnast for at opplæringa i norsk teiknspråk kan leggjast på ein annan skole. Departementet meiner at det framleis må vere nærskolen som har ansvaret for opplæringa til eleven, på lik linje med elevar som får opplæring i samisk og får fjernundervisning. Departementet understrekar at unntaket frå nærskoleprinsippet er meint å gagne elevane og gjere det mogleg for dei å vere del av større teiknspråkmiljø. Forslaget er også meint å sørge for at elevane ikkje må bytte til ein annan skole ved at dei kan få fjernundervisning eller delta i opplæring i norsk teiknspråk på ein annan skole berre desse timane.

Når det gjeld moglegheita til å inngå i interkommunalt samarbeid, viser departementet til den generelle omtalen av denne problemstillinga i punkt 53.5.1.

#### **29.5.5 Rammene for opplæring i teiknspråkleg miljø og fjernundervisning**

Departementet foreslår å innføre ein generell heimel for fjernundervisning, sjá forslaget til § 14-4 og omtale i punkt 15. Hovudvilkåra er at det skal vere tillate å gjennomføre delar av opplæringa som fjernundervisning dersom det er gode grunnar for det og det vil vere trygt og pedagogisk forsvarleg, sjá forslaget til § 14-4 første ledd. Fjernundervisning kan mellom anna vere aktuelt når det gir ei moglegheit til å tilby fag som det elles ikkje ville vore mogleg å tilby, eller når det gir betre moglegheit til å tilpasse opplæringa ut frå det faglege nivået til den enkelte. Økonomisk innsparing er ikkje rekna som ein god grunn til å ta i bruk fjernundervisning. Vilkåret om gode grunnar inneber at det må vere ein fordel for elevane. Skolen kan altså ikkje la vere å opprette stadlege tilbod i fag av økonomiske omsyn, men det kan derimot vere ein god grunn at skolane kan tilby fag dei elles ikkje kan tilby på grunn av lite elevgrunnlag eller få lærarar med tilstrekkeleg kompetanse.

Forslaget inneber at delar av opplæringa i og på teiknspråk kan givast som fjernundervisning. Departementet understrekar likevel at det kan det vere nokre særskilde utfordringar med å gi opplæring i eller på norsk teiknspråk via fjernundervisning. Departementet har merka seg høyningsinnspeila om dette. Ettersom teiknspråk er eit tredimensjonalt språk, vil behovet for stadleg undervisning for å kunne oppnå kompetansemåla i faget vere endå større. Dette kan tilseie at kommunen bør vere tilbakehalden med å tilby ein del av teiknspråkopplæringa som fjernundervisning. Kommunen må ta omsyn til dei særskilde utfordringane med fjernundervisning når han vurderer om vilkåra for fjernundervisning er oppfylte.

Dersom ein del av opplæringa i eller på teiknspråk blir gitt som fjernundervisning, foreslår departementet at det må vurderast om kommunen også skal gi ein del av opplæringa i teiknspråk i eit teiknspråkleg miljø. Eit døme kan vere språksamlingar der både lærarane og elevane snakkar norsk teiknspråk utanom teiknspråktimane.

Departementet meiner at terskelen bør vere at det er nødvendig for at opplæringa i teiknspråk skal vere pedagogisk forsvarleg.

Vurderinga skal vere knytt til om opplæring i eit teiknspråkleg miljø er nødvendig for at elevar som får opplæringa i form av fjernundervisning, skal få ei pedagogisk forsvarleg opplæring og dermed kunne nå kompetansemåla i læreplanen. Kommunane må gjere ei konkret vurdering av om opplæring i eit teiknspråkleg miljø er nødvendig for at opplæringa skal vere pedagogisk forsvarleg. Elevar har rettar og skoleeigar har også plikter etter andre reglar i lovforslaget som kan komme i bruk, jf. til dømes lovforslaget kapittel 11 som mellom anna gir rett til intensiv opplæring, og kapittel 12, som gir reglar om skolemiljøet. Det er det totale opplæringstilbodet til eleven som er avgjørende.

#### **29.5.6 Avgjerdsmakta til elevane**

Barnelova § 32 seier at barn som har fylt 15 år, sjølv avgjer spørsmål om val av utdanning. Departementet meiner det er gode grunnar til at elevar med rett til opplæring i og på norsk teiknspråk skal ha rett til å velja sjølv om dei vil ha slik opplæring frå 8. trinn. Departementet viser vidare til at forslaget har fått brei støtte av høyningsinstansane som uttaler seg.

Departementet meiner at omsynet til barns medråderett taler for at elevane blir gitt avgjerdsmakt fra 8. trinn. Det følger av barnekonvensjonen artikkel 12 nr. 1 at barn som er i stand

til å danne seg eigne synspunkt, har rett til å fritt gi uttrykk for desse. Vidare skal synspunkt som barn har, få vekt i samsvar med alderen og modnaden til barnet. Departementet meiner derfor at barnet sine eigne synspunkt må få stort vekt i spørsmål om val av teiknspråk som opplæringsspråk. Departementet meiner at 8. trinn er eit naturleg tidspunkt for å gi ei slik avgjerdsmakt, ettersom det markerer starten på ungdomsskoleåra. I tillegg inneber forslaget ei samordning av reglane for opplæring i og på samisk og i kvensk og finsk, der elevane også får avgjerdsmakt frå 8. trinn.

Departementet ser ikkje at det er grunnlag for å avgrense avgjerdsmakta til elevane til om dei ønskjer å ha opplæring på teiknspråk. Valfridommen gjeld både for opplæring i og på teiknspråk.

Til *Språkrådets* kommentar om at det vil vere vanskeleg for høyrselshemma elevar på ungdomstrinnet å ha full oversikt over konsekvensane av å velje bort teiknspråkopplæring, viser departementet til at kommunen etter lovforstaget har ei plikt til å sørge for at elevane og foreldra får den informasjonen dei treng om rettane og pliktene sine, sjá nærare omtale i punkt 19.

Departementet foreslår etter dette at elevar med rett til opplæring i og på norsk teiknspråk skal ha rett til å velje sjølv om dei vil ha slik opplæring frå 8. trinn.

#### **29.5.7 Rett til opplæring i teiknspråk for elevar som bruker tolk i ordinære vidaregåande skolar**

Departementet meiner at elevar med høyrselshemming som går i ordinære vidaregåande skolar, og som bruker tolk, bør ha rett til å kunne velje å få opplæring i norsk teiknspråk, og foreslår ei slik utviding. Departementet viser til at høyringsforslaget fekk brei støtte av høyringsinstansane som uttalte seg.

Utdanningsdirektoratet har greidd ut og vurdert denne problemstillinga og peikar på at ei slik utviding sannsynlegvis vil utløyse noko auka behov for lærarar med teiknspråkkompetanse samanlikna med i dag. Direktoratet har ikkje oversikt over kor mange lærarar som har teiknspråkkompetanse, eller i kva kommunar og fylkeskommunar kompetansen finst. Direktoratet peikar også på at det kan vere nokre problem med å skulle innfri retten ved hjelp av fjernundervisning, sidan teiknspråk er eit tredimensjonalt språk. Samtidig meiner Utdanningsdirektoratet at dei forventar at dei fleste elevane som vel opplæring i teiknspråk i vidaregåande opplæring, framleis vil

velje å gå på ein knutepunktskole, det vil seie ein fylkeskommunal vidaregåande skole som har eit spesielt tilrettelagt og organisert tilbod for høyrselshemma. Jamfört med at dette er ei svært lita elevgruppe, som direktoratet estimerer til å omfatte fem til ti elevar i året, meiner direktoratet at ei slik utviding ikkje vil ha store økonomiske eller administrative konsekvensar.

Departementet har gjort visse justeringar i ordlyden samanlikna med høyringsforslaget på dette punktet. I motsetning til høyringsforslaget nemner ikkje lovforstaget spesifikt faget norsk teiknspråk eller ein rett til utvida timetal. Årsaka til justeringa er departementet meiner at det er meir tenleg å regulere desse spørsmåla i forskrift.

#### **29.5.8 Forskriftsheimel for teiknspråk-opplæring i vidaregåande opplæring**

Departementet ser behov for å vidareføre ein forskriftsheimel, avgrensa til å gi forskrifter knytte til det økonomiske ansvaret frå fylkeskommunane i samband med teiknspråkopplæring.

Slik departementet ser det, bør forskriftsheimelen plasserast i kapittel 28 i lova, kapitlet som handlar om ansvaret til kommunen og fylkeskommunen, ettersom forskriftsheimelen først og fremst gjeld økonomisk ansvar.

### **29.6 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å vidareføre retten til opplæring i og på norsk teiknspråk, sjá forslaga til §§ 3-4 første ledd og 6-3 første ledd
- at vilkåret for opplæring i og på norsk teiknspråk skal vere at ein elev har høyrselshemming, sjá forslaga til §§ 3-4 første ledd og 6-3 første ledd
- at grunnskoleelevar med høyrselshemming får rett til å velje mellom opplæring i norsk teiknspråk og opplæring i og på norsk teiknspråk, sjá forslag til § 3-4 første ledd
- å vidareføre unntaket frå nærskoleprinsippet, sjá forslag til § 3-4 andre ledd
- at elevar med høyrselshemming får høve til sjølv å velje opplæring i og på norsk teiknspråk frå 8. trinn, sjá forslag til § 3-4 første ledd tredje punktum
- at når ein del av opplæringa blir gitt som fjernundervisning, må det vurderast om kommunen også skal gi ein del av opplæringa i teiknspråk i eit teiknspråkleg miljø, sjá forslag til § 3-4 tredje ledd

- at elevar med hørselshemmning som går i ordinære vidaregåande skolar, og som bruker tolk, skal ha rett til å kunne velje å få opplæring i norsk teiknspråk, sjå forslag til § 6-3 første ledd andre punktum
- å vidareføre heimelen til å gi forskrift om teikn-språkopplæring i den vidaregåande opplæringa, sjå forslag til § 28-2 femte ledd

## 30 Opplæring i og på dei samiske språka

### 30.1 Innleiing

Dette punktet handlar om opplæring i og på samisk utanfor og innanfor samiske distrikt i grunnskole og vidaregåande opplæring. Opplæring i og på samisk i grunnopplæringa for vaksne er behandla i punkt 43.19, medan dagens § 6-4 i opplæringslova om innhaldet i opplæringa er behandla i punkt 11.

### 30.2 Dagens reglar

#### 30.2.1 Grunnlova og Noregs folkerettslege forpliktingar

Grunnlova § 108 slår fast at «[d]ei statlege styresmaktene skal leggje til rette for at den samiske folkegruppa kan tryggje og utvikle samisk språk, kultur og samfunnsliv».

Fleire internasjonale konvensjonar gir Noreg forpliktingar overfor den samiske befolkninga. Særleg relevant er FNs konvensjon om sivile og politiske rettar artikkel 27, ILO-konvensjonen nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar og FNs erklæring om urfolks rettar. I barnekonvensjonen artikkel 30 er det fastsett at barn som tilhører ei urbefolkningsgruppe skal «nektes retten til sammen med andre medlemmer av sin gruppe å leve i pakt med sin kultur, bekjenne seg til og utøve sin religion, eller bruke sitt eget språk».

FNs konvensjon om sivile og politiske rettar og barnekonvensjonen gjeld som norsk rett etter menneskerettslova § 2 og har forrang framfor nasjonale reglar ved tilfelle av motstrid, jf. menneskerettslova § 3.

#### 30.2.2 Samelova

Samelova § 1-5 slår fast at samisk og norsk er likeverdige språk. Dei skal vere likestilte etter reglane i samelova kapittel 3 om samisk språk.

Samelova § 3-8 slår fast at «[e]nhver har rett til opplæring i samisk». I andre ledd er det presisert at opplæringslova gjeld for opplæring i og på samisk. Regelen rettar seg derfor mot alle, men har ei særleg betydning for dei som på grunn av

alder, bustad osv. ikkje blir omfatta av andre regelverk som i praksis gir rett til opplæring i samisk.

#### 30.2.3 Opplæringslova

Retten til opplæring i og på samisk er i dag regulert i opplæringslova kapittel 6. Samiske elevar har rett til opplæring i samisk i grunnskolen og i vidaregående skole, same kvar dei bur i landet.

I grunnskolen har alle elevar som bur i samiske distrikt, både samar og ikkje-samar, rett til opplæring både *i* og *på* samisk, jf. § 6-2 første ledd. Med «samiske distrikt» siktar ein til dei kommunane som inngår i forvaltningsområdet for samisk språk etter samelova § 3-1, jf. opplæringslova § 6-1. Kva kommunar som blir omfatta av forvaltningsområdet for samisk språk, er per 1. januar 2023 fastsett i forskrift om forvaltningsområdet for samisk språk, jf. samelova § 3 nr. 1. Med «samisk» siktar ein til eitt av dei samiske språka lulesamisk, sør-samisk og nordsamisk, jf. § 6-1.

Utanfor samiske distrikt er det berre samar som har individuell rett til opplæring i samisk, men både samiske og ikkje-samiske elevar som utgjer minst ti i ein kommune, har rett til grunnskoleopplæring i og på samisk, så lenge det er minst seks elevar igjen i gruppa, jf. § 6-2 andre og femte ledd.

Ingen elevar i vidaregående opplæring har rett til opplæring *på* samisk. Departementet kan gi forskrifter om at visse skolar skal tilby opplæring i eller på samisk eller i saerskilde samiske fag i den vidaregåande opplæringa, jf. § 6-3 siste ledd. Denne forskriftsheimelen er ikkje brukt.

I tabellen nedanfor er ei skjematiske framstilling av rettane til opplæring i og på samisk.

Med rett til opplæring *i* samisk meiner ein rett til opplæring i faget samisk i eitt av dei samiske språka lulesamisk, sør-samisk og nordsamisk. Eleven kan velje mellom å få opplæringa i samisk som førstespråk eller andrespråk.

Med rett til opplæring *på* samisk meiner ein rett til opplæring på samisk også i andre fag enn samisk, i tråd med det samiske læreplanverket.

Elevar som får opplæring i samisk som første- eller andrespråk, er fritekne frå kravet om opplæ-

Tabell 30.1 Opplæring i og på samisk

I SAMISK DISTRIKT (Forvaltningsområdet for samisk språk)		UTANFOR SAMISK DISTRIKT (Utanfor forvaltningsområdet for samisk språk)	
	Samar	Ikkje-samar	Ikkje-samar
Grunnskole	Opplæring i og på samisk	Opplæring i og på samisk	Opplæring i samisk Opplæring på samisk i særskild gruppe
Vidaregående opplæring	Opplæring i samisk		Opplæring i samisk

ring i framandspråk og skriftleg sidemål. Dette følger av forskrift til opplæringslova §§ 1-9 til 1-11.

Elevane avgjer sjølv om dei vil ha opplæring i og på samisk frå og med 8. trinn, jf. opplæringslova § 6-2 sjette ledd. Kommunane kan vedta å legge opplæringa på samisk til éin eller fleire grunnskolar i kommunen, jf. § 6-2 tredje ledd. Elevar som berre har opplæring i samisk, har rett til slik opplæring på nærskolen, jf. opplæringslova § 8-1.

Etter § 6-2 fjerde ledd kan kommunane gi forskrifter om at alle elevar i grunnskolealder i samiske distrikt skal ha opplæring i samisk. Denne obligatoriske opplæringa i samisk er av eit mindre omfang enn opplæring i samisk som første- eller andrespråk. Elevar i kommunar som har obligatorisk samiskopplæring, kan framleis velje å nyte seg av retten etter § 6-2 første ledd og dermed ha samisk som første- eller andrespråk i staden for den obligatoriske opplæringa.

Kapittel 7 i forskrift til opplæringslova handlar om alternative opplæringsformer i samisk, kvensk og finsk. Dersom opplæringa ikkje kan bli gitt av eigna opplæringspersonale ved skolen, har elevar som får opplæring i samisk, rett til alternative opplæringsformer. Det kan vere fjernundervisning, intensivundervisning eller språksamlingar, til dømes ved eit leirskoleoppthalld.

Staten kan drive grunnskolar og vidaregåande skolar i særlege tilfelle. Dette følger av opplæringslova §§ 13-1 og 13-3. Staten driv i dag tre skolar. Dette er Samisk vidaregåande skole i Karasjok, Samisk vidaregåande skole og reindriftsskole i Kautokeino og Sør-samisk kunnskapspark i Hattfjelldal.

### 30.3 Høyningsforslaget

Departementet foreslo

- å vidareføre retten til opplæring i og på samisk i grunnskolen og retten til opplæring i samisk i vidaregåande opplæring
- å vidareføre moglegheita kommunane har til å legge opplæringa på samisk til éin eller fleire skolar i kommunen
- å lovfeste rett til opplæring i samisk i vidaregåande opplæring for ikkje-samiske elevar som har hatt opplæring i eller i og på samisk i grunnskolen
- å presisere at kommunane og fylkeskommunane skal gi eleven tilbod om opplæring i eit samiskspråkleg miljø, dersom fjernundervisning aleine gjer at opplæringa ikkje blir trygg og forsvarleg
- ikkje å vidareføre moglegheita departementet har til å gi forskrifter om at visse vidaregåande skolar skal tilby opplæring i eller på samisk eller i særskilde samiske fag

Departementet hørde ope om det bør innførast ein rett til opplæring på samisk i to fag for samiske grunnskoleelevar utanfor forvaltningsområdet dersom minst tre elevar i kommunen krev det.

Med dette høyningsforslaget følgde departementet delvis opp forslaget frå opplæringslovutval i NOU 2019: 23, kapittel 33. Opplæringslovutvallet foreslo at samiske elevar utanfor forvaltningsområdet for samisk språk får rett til opplæring på samisk i to fag dersom minst tre elevar i kommunen krev det, noko departementet hørde ope.

### 30.4 Høyningsinstansanes syn

#### 30.4.1 Rett til opplæring i og på samisk i grunnskolen og rett til opplæring i samisk i vidaregåande opplæring

Om lag 35 høyningsinstansar har uttalt seg om forslaget om å vidareføre dagens reglar om rett til opplæring i og på samisk i grunnskolen og rett til

opplæring i samisk i vidaregående opplæring for samiske elevar.

Ingen høyringsinstansar er imot vidareføringa. Ein stor del av høyringsinstansane som har uttalt seg, har likevel meininger om minstetalet på ti elevar i kommunen for å kunne krevje opplæring i og på samisk i grunnskolen utanfor forvaltningsområdet. Nokre av desse, mellom anna *Norges institusjon for menneskerettigheter*, meiner minstetalet bør senkast, til til dømes seks eller tre elevar. *Samisk foreldrenettverk i Oslo og omegn* meiner avgrensinga bør senkast til tre elevar. Også *Sámi joatkkaskuvla Kárásjogas / Samisk vidaregåande skole Karasjok* meiner avgrensinga må senkast, og skriv:

Vi støtter forslaget til Samisk språkutvalg i NOU 2016:18 hvor de foreslår å redusere dagens minstekrav for retten til opplæring på samisk utenfor samisk forvaltningsområde fra ti til tre elever. Vi deler utvalgets oppfatning at en minimumsgrense på ti elever er en vanskelig målsetning, ikke bare i de sør- og lulesamiske områdene, men også i nordsamiske områder utenfor Indre Finnmark. Om mulig bør det strebes etter å etablere samiskklasser, også ved et lavere antall enn ti elever. Vi er derfor uenig at det i NOU 2019: 23 foreslås å videreføre dagens minstekrav på ti elever i opplæringslovens § 6-2 andre avsnitt for å utløse retten til opplæring på samisk utenfor forvaltningsområdet for samisk språk.

Nokre høyringsinstansar, som *Sørsamisk kunnsparks*, meiner at retten til opplæring i og på samisk for elevar i grunnskolen skal vere ein individuell rett over heile landet, og meiner dermed at det ikkje skal vere vilkår om minstetalet på elevar. Også *Statped* meiner at retten til opplæring i og på samisk utanfor forvaltningsområdet ikkje må avgrensast av talet på elevar som ønskjer slik opplæring, og skriv:

Statped støtter samiske elevers rett til opplæring i nordsamisk, sør-samisk eller lulesamisk. Vi mener imidlertid at antallet elever som skal til for at man har denne retten utenfor forvaltningsområdet for samiske språk er altfor strengt og kan føre til at færre samiske elever får opplæring på eget morsmål. Retten bør derfor gjelde uavhengig av antall elever.

*Sametinget* meiner primært at retten til opplæring i og på samisk i grunnskolen utanfor forvaltningsområdet ikkje skal avgrensast av geografi og antal

elevar som ønskjer slik opplæring. Sekundært meiner Sametinget at retten i mindre grad enn i dag må avgrensast av geografi og talet på elevar som ønskjer slik opplæring.

17 høyringsinstansar har uttalt seg om forslaget om å innføre ein rett til opplæring i samisk i vidaregåande skole for ikkje-samiske elevar som har hatt opplæring i eller i og på samisk i grunnskolen, og alle støttar det. Mellom anna *Utdanningsforbundet* viser til at forslaget kan bidra til å bevare og utvikle dei samiske språka. *Barneombobdet* meiner det er særleg positivt at ikkje-samiske elevar som har hatt opplæring i eller på samisk i grunnskolen, får rett til opplæring i samisk i vidaregåande opplæring. Også *Nordland fylkeskommune* støttar forslaget og skriv:

Nordland fylkeskommune støtter forslaget om å lovfeste rett til opplæring i samisk i vidaregående opplæring for ikke-samiske som har hatt opplæring i, eller i og på samisk i grunnskolen. Dette lovforslaget mener Nordland fylkeskommune vil bidra til å sikre rett til et helhetlig opplæringsløp i det samiske språket, samt åpne muligheter for fordypning. Videre mener Nordland fylkeskommune at det er svært viktig å bevare og utvikle det samiske språket.

### **30.4.2 Moglegheita kommunen har til å leggje opplæringa på samisk til éin eller fleire skolar i kommunen**

Seks høyringsinstansar har uttalt seg om forslaget. Alle støttar forslaget heilt eller delvis.

Det har komme innspel om at regelen bør endrast slik at opplæringstilbodet på samisk blir definert som ein skolekrins, slik at alle som har rett på dette tilbodet, også får rett til gratis transport til tilbodet. Dette må sjåast i samanheng med forslaga til nye §§ 2-6 (kva grunnskole eleven skal gå på), 2-5 (gratis grunnskoleopplæring) og 4-1 (skyss til og frå skolen for elevar i grunnskolen).

### **30.4.3 Plikt til å gi eleven tilbod om opplæring i eit samiskspråkleg miljø dersom fjernundervisning aleine gjer at opplæringa i samisk ikkje blir trygg og forsvarleg**

Om lag 45 høyringsinstansar har uttalt seg om forslaget om at kommunen og fylkeskommunen skal gi eleven tilbod om opplæring i eit samiskspråkleg miljø dersom fjernundervisning aleine gjer at opplæringa i samisk ikkje blir trygg og forsvarleg. Høyringsinstansane er delte i spørsmålet.

I hovudsak er det støtte for forslaget, og høyningsinstansane er positive til at plikta til kommunane og fylkeskommunane blir presisert i lova. *Bodø kommune* støttar at det ikkje skal vere ein rett for elevane å få delta i samiske språkbadsamlingar.

Mange høyningsinstansar støttar intensjonen i forslaget, men meiner at dei foreslårte vilkåra er for uklare. Fleire er spørjande til kva som ligg i at opplæring i eit samiskspråkleg miljø må vere «nødvendig» for at opplæringa skal vere trygg og pedagogisk forsvarleg, og korleis og kven som skal definere kva ein siktar til med eit «samiskspråkleg miljø». Det blir mellom anna vist til at for skjønnsmessige vilkår kan føre til at kommunane legg lista for høgt og tek omsyn til moment som bør liggje utanfor vurderinga, slik som kommuneøkonomi, og at det kan føre til at elevar som bør få delar av opplæringa i samisk i eit samiskspråkleg miljø, ikkje får det. Mellom anna *Norges institusjon for menneskerettigheter* ønskjer ei anna formulering av vilkåra og foreslår til dømes å bruke formuleringa «dersom eleven har behov for det».

Nokre høyningsinstansar viser til at det økonomiske aspektet og lærarkapasiteten gjer forslaget krevjande, og ønskjer ei klargjering av korleis kommunen reint praktisk skal kunne legge dette til rette for elevane.

Nokre høyningsinstansar ønskjer derimot at opplæring i eit samiskspråkleg miljø skal vere ein vilkårslaus rett, og at vilkåra dermed må fjernast. *Sametinget* ønskjer at samiske elevar blir sikra ein rett til hospiteringar eller språksamlingar som ein del av samiskopplæringa.

Eit par kommunar støttar ikkje forslaget. *Askøy kommune* meiner forslaget er for dyrt og for vanskeleg å få til. *Horten kommune* støttar forslaget prinsipielt, men uttaler at forslaget likevel ikkje blir støtta fordi det vil vere utfordrande for kommunar med få samiske elevar.

#### **30.4.4 Møglegheita departementet har til å gi forskrifter om at visse vidaregåande skolar skal tilby opplæring i eller på samisk eller i særskilde samiske fag**

Om lag ti høyningsinstansar har uttalt seg om forslaget om ikkje å vidareføre dagens heimel for departementet til å gi forskrift om at visse vidaregåande skolar skal tilby opplæring i eller på samisk eller i særskilde samiske fag. Høyningsinstansane som har kommentert forslaget, støttar det ikkje og meiner at forskriftsheimelen til depar-

tementet må først vidare. *Utdanningsforbundet* meiner at rettane til elevgruppa blir svekte ved forslaget, og at forskriftsheimelen er viktig for å gjere det samiskspråklege tilbodet i vidaregåande opplæring meir tilgjengeleg. *Nasjonalt senter for samisk i opplæringa* viser til at vidareføring av forskriftsheimelen er viktig for å sikre at andre vidaregåande skolar, utanom dei statlege samiske vidaregåande skolane, gir opplæring i og på samisk i framtida.

#### **30.4.5 Opplæring på samisk i to fag for samiske grunnskoleelevar utanfor forvaltningsområdet**

Spørsmålet om det bør innførast ein rett til opplæring på samisk i to fag for samiske grunnskoleelevar utanfor forvaltningsområdet, vart hørt ope. Om lag 30 høyningsinstansar har uttalt seg om spørsmålet. Fleirtalet av desse ønskjer at det blir innført ein slik rett, og er positive til ei styrking av retten til opplæring på samisk. Mellom anna *Oslo og Omegn Samiske foreldrenettverk – Oslo ja Biras Sámi Váhnenfierpmádat* støttar ein slik rett, og viser til at det både senkar minstetalet for å få innfridd retten til opplæring på samisk utanfor forvaltningsområdet, og at det senkar terskelen for å byrje å få opplæring på samisk fordi eleven ikkje vil få heile opplæringa på samisk.

Fleire av høyningsinstansane som ønskjer at det blir innført ein rett til opplæring på samisk i to fag, meiner likevel at lærarkapasiteten og det økonomiske aspektet er krevjande. Mellom anna *Tromsø kommune* meiner at spørsmålet må greia ut nærmare når det gjeld kostnaden og moglegheita for å rekruttere lærarar.

Andre meiner at det bør innførast ein rett til opplæring på samisk i to fag utanfor forvaltningsområdet, uavhengig av talet på elevar som krev slik opplæring. Mellom anna *Diskriminerings- og likestillingsombodet* uttaler at dei er skeptiske til avgrensinga på tre elevar.

To høyningsinstansar meiner at det ikkje bør innførast ein rett til opplæring på samisk i to fag. *Stavanger kommune* viser til at ein slik rett kan komme i konflikt med retten elevane har til eit godt skolemiljø, og med behovet barn har for å vere ein del av eit større læringsfellesskap på skolen sin. *KS Troms og Finnmark* meiner også at ein slik rett ikkje bør innførast. Dei viser til at det ligg føre omfattande dokumentasjon på at retten til opplæring i og på samisk ikkje er oppfylt per dags dato

## 30.5 Departementets vurdering

### 30.5.1 Rett til opplæring i og på samisk i grunnskolen og rett til opplæring i samisk i vidaregåande opplæring

*Rett til opplæring i og på samisk i grunnskolen og retten til opplæring i samisk i vidaregående opplæring*

Departementet foreslår å vidareføre retten til opplæring i og på samisk i grunnskolen og retten til opplæring i samisk i vidaregåande opplæring. Dette inneber at samiske elevar har rett til opplæring i samisk i grunnskolen og i vidaregåande skole, uavhengig av kvar dei bur i landet. I grunnskolen har alle elevar som bur i forvaltningsområdet for samisk språk, rett til opplæring i og på samisk. Utanfor forvaltningsområdet er det berre samiske elevar som har individuell rett til opplæring i samisk, men både samiske og ikkje-samiske elevar som utgjer minst ti i ein kommune, har rett til opplæring i og på samisk, så lenge det er minst seks elevar att i gruppa.

*Rett til opplæring i samisk i vidaregåande skole for ikkje-samiske elevar som har hatt opplæring i eller i og på samisk i grunnskolen*

Departementet foreslår å innføre ein rett til opplæring i samisk i vidaregåande skole for ikkje-samiske elevar som har hatt opplæring i eller i og på samisk i grunnskolen. Departementet og Sametinget er samde om dette. Departementet meiner at det er rimeleg at ein elev som har fått opplæring i samisk som første- eller andrespråk i grunnskolen, blir sikra ein rett til å halde fram med opplæring i samisk i den vidaregåande opplæringa. Å innføre ein slik rett vil sikre den enkelte eleven eit heilskapleg opplæringsløp og kan bidra til at elevane ikkje mistar kompetansen når dei blir eldre. Samtidig kan det bidra til å bevare og utvikle dei samiske språka og gi fleire brukarar av samiske språk. På sikt kan dette gi eit betre rekrutteringsgrunnlag for dei samiske barnehagelærarutdanningane og lærarutdanningsane, som er viktige for å kunne løyse lærarmanegen.

Det kan vere utfordrande å sikre nok kvalifiserte lærarar, men departementet meiner likevel det er viktig at elevar som har hatt opplæring i og på samisk i grunnskolen, får moglegheita til å halde fram med denne opplæringa. Det vil også vere berre nokre få elevar som kvalifiserer til ein slik rett.

Departementet meiner at elevane som vel opplæring i samisk som første- eller andrespråk, må

følgje gjeldande fag- og timefordeling og læreplanar for samisk i dei aktuelle faga. Per i dag betyr det at opplæring i samisk som førstespråk normalt skal kombinerast med opplæring i norsk etter læreplanen i norsk for elevar med samisk som førstespråk. Elevar som ønskjer det, kan likevel få opplæring etter den ordinære læreplanen i norsk. Opplæring i samisk som andrespråk skal kombinerast med opplæring i norsk etter ordinær læreplan i norsk, men med rett til fritak frå opplæring i framandspråk og skriftleg sidemål.

*Rett til opplæring i eitt av dei tre samiske språka*

I konsultasjonar med departementet har Sametinget gitt innspel om at samiske elevar må ha rett til opplæring i *to* samiske språk. Sametinget viser til at det er fleire skolar som tilbyr dette i dag, og meiner at ein rett til opplæring i to samiske språk følgjer av folkeretten. Sametinget påpeiker at Grunnlova og Noregs folkerettslege forpliktingar pålegg statlege myndigheter å leggje forholda til rette for at den samiske folkegruppa kan tryggje og utvikle samisk språk, kultur og samfunnsliv. Sametinget viser til at verken Grunnlova eller folkeretten differensierer mellom dei samiske språka i spørsmålet om kva for av dei samiske språka ein skal prioritere å få opplæring i, og at reglane i opplæringslova om opplæring i samisk skal skal byggje på desse forpliktingane.

Departementet meiner at retten til opplæring i samisk skal gjelde for eitt av dei tre samiske språka, i tråd med dagens reglar. Etter dagens fag- og timefordeling har elevar som følgjer Kunnskapsløftet – samisk 190 timer meir enn andre elevar i grunnskolen. Dersom ein legg dagens fag- og timefordeling til grunn, vil samiske barn som får opplæring i to samiske språk, få langt fleire timer i grunnskolen enn andre elevar. Dette kan bli krevjande å gjennomføre, både for elevane og for kommunen. Det vil også vere utfordrande å skaffe nok kvalifiserte lærarar som kan gi opplæring i fleire samiske språk. Dessutan vil det vere uheldig dersom store delar av opplæringa må skje via fjernundervisning. Dersom begge dei to faga må givast som fjernundervisning, kan eleven risikere å ha store delar av opplæringa aleine. Det vil ikkje vere pedagogisk forsvarleg å gjennomføre store delar av opplæringa som fjernundervisning.

Departementet ser at samiske elevar kan ha tilknyting til to samiske språk gjennom foreldra sine eller fordi dei har flytta frå éin kommune i samisk distrikt til ein annan, men meiner likevel ikkje at ein rett til opplæring i *to* samiske språk

bør lovfestast. Ei slik lovfesting vil uansett ikkje vere mogleg utan ytterlegare utgreiing.

Sametinget har også gitt innspel til kva for nokre samiske språk retten til opplæring i samisk bør omfatte. Sametinget meiner retten må omfatte pitesamisk, umesamisk og skoltesamisk, i tillegg til dei tre offisielle samiske språka nordsamisk, lulesamisk og sorsamisk, som er omfatta i dag. Departementet ser at pitesamisk, umesamisk og skoltesamisk har kulturhistorisk betydning, og at det er eit ønske om å revitalisere desse språka. Likevel meiner departementet at det må først vidare at retten til opplæring i samisk gjeld for eitt av dei tre offisielle samiske språka i Noreg. Pitesamisk, umesamisk og skoltesamisk er heilt eller nesten forsvunne i Noreg, og det finst ingen lærarutdanningar for desse språka. Vi kan gå ut ifrå at det er få, om nokon, lærarar som er språkbrukarar. Det er derfor ikkje praktisk mogleg å innføre ein rett til opplæring i pitesamisk, umesamisk og skoltesamisk.

Noreg er folkerettsleg forplikta til å bevare og vidareutvikle samiske språk. Det følgjer av ILO-konvensjon nr. 169 artikkel 28 at urfolksbarn, når det er praktisk mogleg, skal lære å lese og skrive på sitt eige opphavlege språk eller det språket som er mest brukt av den gruppa dei hører til. Vidare følgjer det av den internasjonale konvensjonen om sivile og politiske rettar (SP) art. 27 at dei som tilhører etniske, religiøse eller språklege minoritetar, ikkje skal nektast retten til, saman med andre medlemmer av gruppa si, å dyrke sin eigen kultur, vedkjenne og utøve sin eigen religion eller bruke sitt eige språk. Departementet meiner retten til opplæring i eitt av dei tre offisielle samiske språka er i samsvar med folkeretten på dette området. Frå 1. til 7. trinn er det foreldra til eleven som avgjer kva for eit av dei samiske språka eleven skal ha opplæring i. Frå 8. trinn avgjer eleven dette sjølv, i samsvar med avgjerdsmakta til elevane etter forslaget til § 3-2 fjerde ledd andre punktum, sjå punkt 30.5.2.

#### *Retten til opplæring i og på samisk utanfor forvaltningsområdet*

Departementet har merka seg at nokre høyringsinstansar påpeikar at retten til opplæring i og på samisk utanfor forvaltningsområdet ikkje bør vere avhengig av at minst ti elevar krev slik opplæring, og at nokre instansar meiner at retten samiske elevar har til opplæring på samisk utanfor forvaltningsområdet, bør vere individuell, utan vilkår.

Departementet ser at det kan vere uheldig at retten ein elev har til opplæring på samisk, er avhengig av at det er andre elevar som også ønskjer slik opplæring. Likevel meiner departementet av ressursmessige omsyn at retten ikkje bør gjerast individuell. Det vil vere svært krevjande å gjennomføre ein individuell rett til opplæring på samisk i heile landet. Med mangelen på lærarar med samiskspråkleg kompetanse vil vi risikere å innføre ein rett som i praksis ikkje kan oppfyllast. Det er ikkje ønskjeleg å innføre nye rettar og plikter som ikkje kommunen kan innfri. Departementet meiner derfor at retten til opplæring i og på samisk framleis bør gjelde dersom minst ti elevar ønskjer det og det står att minst seks elevar i gruppa.

Sametinget støttar ikkje vilkåret om at det må være minst ti elevar i ein kommune som ønskjer opplæring i og på samisk. Sametinget har vist til nedgangen i elevtalet i forvaltningsområda, og til at Sametinget har foreslått at sentrale byar i Noreg skal ha eit opplæringstilbod i og på samisk. Sametinget er ikkje samd med departementet i grunngivinga om at ein ikkje kan innføre ein rett som i praksis ikkje kan oppfyllast. Sametinget meiner mangelen på samiske lærarar ikkje må stå i vegen for å utvide samiske opplæringsrettar i opplæringslova.

#### *Ikkje rett til opplæring på samisk i to fag for samiske grunnskoleelevar utanfor forvaltningsområdet dersom minst tre elevar i kommunen krev det*

Departementet foreslår ikkje å innføre ein rett til opplæring på samisk i to fag for samiske elevar utanfor forvaltningsområdet dersom minst tre elevar i kommunen krev det.

Departementet høyrde dette spørsmålet ope. Fleirtalet av høyringsinstansane ønskjer at det blir innført ein slik rett, men fleire kommenterer at lærarkapasiteten og det økonomiske aspektet er utfordrande. Nokre av høyringsinstansane som ønskjer at det blir innført ein slik rett meiner at minimumstalet på tre elevar er for høgt. Eit par høyringsinstansar meiner at det ikkje bør innførast ein slik rett i det heile.

Departementet meiner det er gode argument for å innføre ein slik rett. Store delar av den samiske befolkninga bur utanfor forvaltningsområdet for samisk språk, og det er statlege styresmakter som har ansvar for å sikre at urfolksretten til samane blir varetaken, under dette at samiske språk blir bevarte og blir styrkte. Ein slik rett ville gi samiske elevar utanfor forvaltningsområdet ei differensiert tilnærming til samiskopplæ-

ring, fordi den ville ha komme i tillegg til retten til opplæring i og på samisk dersom ti elevar ønskjer det.

Likevel vil forslaget, som nokre av høyringsinstansane peikar på, medføre auka behov for lærarar i alle dei tre samiske språka. Dette er ei stor utfordring. Departementet veit ikkje kor mange elevar ein slik rett vil gjelde for, og kva som vil krevjast av lærarressursar. Vurderingar frå Utdanningsdirektoratet viser at krava om relevant kompetanse i undervisningsfag også gjer det krevjande å oppfylle ein slik rett. Det vil vere eit stort underskot av lærarar som kan undervise på samisk og samtidig oppfyller kompetansekraava i dei ulike faga.

Vidare vil det vere behov for at store delar av undervisninga skjer gjennom fjernundervisning. Det vil medføre ein større etterspurnad av fjernundervisningstenester. Departementet er usikker på om dagens tilbod er tilstrekkeleg, og om det vil vere pedagogisk forsvarleg å gi eleven store delar av undervisninga gjennom fjernundervisning. Dersom dei to faga må givast gjennom fjernundervisning, kan eleven risikere å ha opplæringa aleine i opptil 25 prosent av det totale timetalet i grunnskolen. Omfattande bruk av fjernundervisning tek også ein stor del av lærarressursane, og dette kan gå ut over stadleg undervisning i fleire kommunar.

Sametinget har i konsultasjonar med departementet uttrykt støtte for opplæringslovutvalets forslag om at samiske grunnskoleelevar utanfor forvaltningsområdet for samisk språk skal ha rett til opplæring på samisk i to fag dersom minst tre elevar i kommunen krev det. Sametinget meiner at å styrke retten til opplæring på samisk er sentralt for å styrkje og revitalisere dei samiske språka. Sametinget viser til at det er eit stort fråfall frå samiskopplæringa, og store utfordringar med å sikre at samiske barn blir samiskspråklege. Sametinget meiner mangelen på samiske lærarar ikkje må stå i vegen for å utvide retten til opplæring på samisk.

#### *Forvaltningsområdet for samisk språk*

Kommunal- og distriktsdepartementet sende forslag til endringar i reglane i samelova på høyring i august 2021. Forslaget omhandla mellom anna korleis forvaltningsområdet for samisk språk skal organiserast. Kommunal- og distriktsdepartementet foreslår ei forvaltningsområdeordning med tre kommunekategoriar: språkutviklingskommune, språkvitaliseringskommune og språkstimuleringskommune. Dei kommunane som i dag er

omfatta av forvaltningsområdet, jf. forskrift om forvaltningsområdet for samisk språk § 1, vart foreslått fordelte i kategoriene språkutviklingskommune og språkvitaliseringskommune. Kva kommunar som skal inngå i kategorien språkstimuleringskommune, avheng av kommunane sine eigne vedtak og søknad om innlemming, og av at kommunane blir innlemma i forvaltningsområdet gjennom forskriftsendring fastsett av Kongen i statsråd.

Departementet vil presisere at forslaga om retten til opplæring i og på samisk som skal gjelde for forvaltningsområdet for samisk språk, tar utgangspunkt i dagens reglar om forvaltningsområdet for samisk språk, slik dei følgjer av samelova § 3-1 nr. 1 og forskrift om forvaltningsområdet for samisk språk § 1. Dersom det blir gjort endringar i reglane om forvaltningsområdet for samisk språk, og det blir innført ei inndeling med tre kategoriar slik som beskrive over, vil departementet foreslå endringar i opplæringslova som varetar at retten til opplæring i og på samisk i forvaltningsområdet for samisk språk blir vidareført og dermed gjeld for dei to kategoriene språkutviklingskommunar og språkvitaliseringskommunar.

Ei lovfesting av samiske opplæringsrettar i ein eventuell tredje kategori av forvaltningsområdet for samisk språk har ikkje vore greidd ut eller hørt. Departementet vil vurdere konsekvensane eventuelle endringar i samelova kan og bør få for opplæringslova.

#### **30.5.2 Rett til å sjølv bestemme frå 8. trinn**

Departementet foreslår å vidareføre dagens regel om at elevar frå 8. trinn sjølve vel om dei ønskjer opplæring i og på samisk. Fram til 8. trinn er det foreldra som vel dette på vegner av barnet.

I konsultasjonar med departementet har Sametinget gitt uttrykk for at retten ikkje bør vidareføra, og at elevane ikkje bør kunne velje bort samiskopplæringa frå 8. trinn. Sametinget meiner det er uheldig at elevar frå 8. trinn sjølv må ta stilling til om dei ønskjer samiskopplæring. Sametinget meiner elevane sitt val vil kunne påverke moglegheita for at dei blir funksjonelt tospråklege, og at det kan ha konsekvensar for rekrutteringa av elevar som vel samisk i vidaregående opplæring, rekrutteringa til høgare utdanning, karrieremoglegheiter og moglegheita for å føre språket vidare til komande generasjoner.

Departementet meiner det vil vere uheldig å tvinge elevar til å ha opplæring i og på samisk. Dette er eit val som har konsekvensar for elevane

og den vidare opplæringa, til dømes ved at dei er fritekne kravet om opplæring i framandspråk og skriftleg sidemål.

Omsynet til retten barn har til medråderett, taler for at avgjerdsmakta til elevane bør først vidare. Det følgjer av barnekonvensjonen artikkel 12 nr. 1 at barn som er i stand til å danne seg eigne synspunkt, har rett til fritt å gi uttrykk for desse. Vidare skal barn sitt synspunkt få vekt i samsvar med alderen og modnaden til barnet. Departementet meiner barnet sine eigne synspunkt må få stor vekt i spørsmål om val av samisk som først- eller andrespråk. Det følgjer også av barnekonvensjonen artikkel 30 at barn som tilhører ein etnisk, religiøs eller språkleg minoritet eller ei urbefolkning, ikkje skal nektast retten til saman med andre medlemmer av gruppa si å leve i pakt med kulturen sin, vedkjenne og utøve religionen sin eller bruke språket sitt. Departementet meiner at retten samiske elevar har til å sjølve velje om dei ønsker opplæring i og på samisk, ikkje står i motstrid til denne retten.

Departementet viser også til at elevar frå 8. trinn sjølve vel om dei ønsker opplæring i kvensk eller finsk, og departementet foreslår å gi same rett til elevar som har opplæring i og på norsk teiknspråk, sjå forslag til § 3-4 første ledd andre punktum. Departementet meiner reguleringa her bør vere lik.

Departementet ser at det er mange elevar som har rett til samiskopplæring, som ikkje vel dette, og at mange elevar sluttar med samiskopplæring undervegs i grunnskoleopplæringa. Departementet meiner utfordringa med fråfall må løysast på andre måtar enn ved å fjerne valfridommen til elevane. Kommunen har stor handlingsfridom til å organisere og leggje til rette opplæringa for å forhindre fråfallet og motivere til at fleire elevar vel opplæring i og på samisk. Til dømes kan kommunen vedta å leggje opplæringa på samisk til ein eller fleire skolar i kommunen. Kommunen bør også sørge for at opplæringa blir organisert på ein måte som gjer at elevane ønsker å velje opplæringa, til dømes ved at dei sørger for at opplæringa i samisk blir lagd til gunstige tidspunkt.

### **30.5.3 Moglegheita kommunen har til å leggje opplæringa på samisk til éin eller fleire skolar i kommunen**

Departementet foreslår å vidareføre moglegheita kommunen har til å leggje opplæringa på samisk til éin eller fleire skolar i kommunen. Regelen gjeld likevel ikkje for elevar som berre får opplæ-

ring i samisk. Sametinget har i konsultasjonar med departementet støtt vidareføringa.

Det er få høringsinstansar som har uttalt seg om forslaget, men alle desse støttar vidareføringa.

Departementet vil presisere at ein elev som søker om å gå på ein annan skole enn nærskolen for å få samiskopplæring, har rett til gratis skyss, føresett at vilkåra for skyss er oppfylte. Sjå omtale av rett til skyss i punkt 37.5. Kommunen kan ikkje stille vilkår om eigenbetaling av skoleskyss ved innvilging av skolebytte etter § 2-6 dersom grunnen til at eleven søker om å bytte skole, er å sikre retten til opplæring, sjå omtale i punkt 37.5.2.

### **30.5.4 Kommunen og fylkeskommunen skal gi eleven tilbod om del av opplæringa i samisk i eit samiskspråkleg miljø dersom det er nødvendig for at opplæringa skal vere pedagogisk forsvarleg**

#### *Plikt for kommunane og fylkeskommunane*

I dag er det ingen lovfesta rett til opplæring i eit samiskspråkleg miljø. I Utdanningsdirektoratets rammeverk for fjernundervisning i samisk for elevar i grunnskoleopplæringa er det understreka at dersom kommunane meiner at nettbasert opplæring i samisk aleine er forsvarleg, vil det ikkje vere nødvendig med språksamlingar eller hospitering. I motsett fall vil språksamlingar og hospiteringar vere nødvendige for å oppnå kompetansemåla i faget.

Departementet foreslår å lovfeste denne praksisen, slik at kommunen og fylkeskommunen skal gi eleven tilbod om at ein del av opplæringa i samisk skjer i eit samiskspråkleg miljø dersom det er nødvendig for at opplæringa skal vere pedagogisk forsvarleg. Departementet meiner det er viktig for god språkopplæring at samiskopplæringa kan gå føre seg i eit samiskspråkleg miljø. Undersøkingar viser at motivasjonen for å læra samisk aukar hos elevane når dei møter andre elevar på språksamlingar. I dag er det mange kommunar som gir elevane høve til å hospitera og delta på språksamlingar. Dette blir gjort som ein del av opplæringa i samisk, når ho elles skjer som fjernundervisning.

#### *Ikkje ein rett for elevane*

Fleire høringsinstansar meiner at det bør innførast ein vilkårlaus rett til å delta i språkbadsamlingar eller hospiteringar.

I konsultasjonar med departementet har Sametinget understreka at dei ønskjer ein rett for elevane til å få opplæring i samisk i eit samiskspråkleg miljø. Sametinget har vist til at fjernundervisninga i samisk kan opplevast som mangefull dersom hospiteringsoppthal/språkbad ikkje er ein del av opplæringa, og at det er behov for ein vilkårlaus rett.

Sametinget har vist til Riksrevisjonens rapport Undersøkelse av samiske elevers rett til opplæring i og på samisk, Dokument 3:5 (2019–2020), som viser at berre 45 prosent av elevane som mottar fjernundervisning, deltar på hospitering/språksamlingar, og at det er store variasjonar i korleis dette blir tilrettelagd på kvar skole. Sametinget har presisert at dette også gjeld elevar utanfor forvaltningsområdet som får stadleg opplæring i samisk, men som ikkje har eit samiskspråkleg nærmiljø. Sametinget viser til at læreplanane i samisk stiller ei forventning om opplæring etter sterke språkopplæringsmodellar, og at ein rett til hospitering/språksamlingar som ein integrert del av opplæringa derfor er nødvendig.

Vidare meiner Sametinget at dei foreslårte vilkåra verkar uklare, og dei erfarer at kommunane legg vekt på økonomiske omsyn ved vurderinga. Sametinget er bekymra for at dei foreslårte vilkåra vil medføre at tilbodet ikkje blir gitt. Sametinget viser vidare til at opplæring i eit samiskspråkleg miljø er viktig for danninga og identitetsutviklinga hos samiske barn, og at det gir elevar kontakt med sin kultur.

Departementet foreslår ikkje å innføre ein vilkårlaus rett for elevane. Departementet legg vekt på at det pedagogiske og faglege skjønnet til lærarane, kommunen og fylkeskommunen bør ligge til grunn i all opplæring. Nasjonale styresmakter fastset rett til opplæring og kompetansemåla, men det er opp til lærarane, kommunane og fylkeskommunane å vurdere *korleis* måla skal nåast. Derfor foreslår departementet at regelen blir utforma som ei plikt som trer inn på visse vilkår.

#### *Kva som ligg i «samiskspråkleg miljø»*

Mange høyringsinstansar bruker orda *hospitering, språksamlingar* eller *språkbad* når dei beskriv kva eit samiskspråkleg miljø inneber.

Departementet legg til grunn at nemninga «samiskspråkleg miljø» vil vere ei fellesnemning for språksamlingar, språkbad, hospitering, studiebesøk, utveksling og så vidare. Departementet meiner kommunen og fylkeskommunen bør stå fritt til å vurdere kva tilbod som vil vere aktuelt.

*Kva det betyr det at det skal vere «nødvendig for at opplæringa skal vere pedagogisk forsvarleg»*

I høyringa foreslo departementet vilkåra «dersom det er nødvendig for at opplæringen skal være trygg og pedagogisk forsvarlig». Fleire høyringsinstansar peikar på at formuleringa er for uklar og skjønnsmessig. Departementet ser at det er behov for vilkår som så tydeleg som mogleg beskriv når elevar skal få opplæringa i eit samiskspråkleg miljø. Samtidig må vilkåra leggje til rette for at kommunane, fylkeskommunane og lærarane sjølv vurderer når det er behov for å gi eit slikt tilbod, noko som inneber at vilkåra må vere skjønnsmessige.

Departementet foreslår at kommunen og fylkeskommunen skal ha plikt til å gi eleven tilbod om delar av opplæringa i samisk i eit samiskspråkleg miljø når det er nødvendig for at opplæringa skal vere pedagogisk forsvarleg. Departementet går ikkje vidare med forslaget om eit vilkår om at det må være nødvendig for at opplæringa skal vere «trygg». Departementet vurderer at «pedagogisk forsvarlig» er det mest sentrale vilkåret for vurdering av om det er nødvendig med opplæring i et samiskspråklig miljø.

Kommunen og fylkeskommunen må gjere ei konkret vurdering av om opplæringa er «pedagogisk forsvarleg». Kommunane og fylkeskommunane må sjå vurderinga i samanheng med plikter og rettar etter andre paragrafar i lova. Til dømes har kommunen og fylkeskommunen plikter etter lovforlaget kapittel 11 som skal sikre at elevane får eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Etter lovforlaget kapittel 12 har elevane rett til eit trygt og godt skolemiljø, og kommunane og fylkeskommunane har ei aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø. Desse reglane må sjåast i samanheng, og det er det totale opplæringstilbodet til eleven som vil vere avgjerande. Departementet vil presisere at opplæring i eit samiskspråkleg miljø kan vere ein del av eit vedtak eller tiltak etter kapittel 11 og kapittel 12 i lovforlaget.

Kommunen og fylkeskommunen må vidare gjere ei vurdering av om opplæring i eit samiskspråkleg miljø vil vere «nødvendig» for at tilbodet skal vere pedagogisk forsvarleg. Vurderinga skal vere knytt til om opplæringa i eit samiskspråkleg miljø er nødvendig for at eleven skal få ei pedagogisk forsvarleg opplæring og dermed kunne nå kompetansemåla i læreplanen. Sametinget og enkelte høyringsinstansar har gitt innspel om at kommunen tek omsyn til det økonomiske aspektet ved vurderinga. Departementet vil under-

streke at «nødvendig» ikkje handlar om ytre rammar, til dømes kor mange andre som snakkar det samiske språket i området, økonomi eller ressurser. Vurderinga av kva som er nødvendig for at opplæringa skal vere pedagogisk forsvarleg er eit lovbunde skjønn som tilsynsmakta og domstolane kan prøve fullt ut.

Kor store delar av opplæringa i samisk det eventuelt er nødvendig å gi i eit samiskspråkleg miljø, må komme an på ei konkret vurdering av om opplæringa gir eleven grunnlag for å nå kompetansemåla i læreplanen eller ikkje.

Det er viktig at kommunen sørger for ei god og langsiktig kartlegging av behovet for opplæring i eit samiskspråkleg miljø og for planlegging av korleis elevane skal få eit slikt tilbod. Det inneber mellom anna at skoleeigar set seg godt inn i dei ulike tilboda som finst, og sørger for bestilling av opphold i god tid slik at tilboden blir ein realitet. Det er også viktig at skoleeigar organiserer tilboden slik at eleven i den grad det er mogleg får kontinuitet i opplæringa frå skoleår til skoleår, så eleven får opplæringa si i trygge rammer.

Det kan på førehand vere vanskeleg å vite om opplæring i eit samiskspråkleg miljø vil vere det rette tiltaket for eleven. Det kan også vere tilfelle der opplæringa eleven får i det samiskspråklege miljøet, ikkje er pedagogisk forsvarleg. Om opplæringa ikkje har den ønskte effekten eller ho ikkje er forsvarleg, fell plikta til å gi opplæring i eit samiskspråkleg miljø bort.

Plikta kommunen og fylkeskommunen har til å tilby ein del av opplæringa i eit samiskspråkleg miljø, vil i all hovudsak vere aktuell i dei tilfella der undervisninga i samisk blir gitt som fjernundervisning. Departementet foreslår ein eigen paragraf om fjernundervisning i forslaget til § 14-4, sjå nærmere omtale i punkt 15. Når elevar får samiskundervisninga gjennom fjernundervisning, kan eleven ha eit behov for å praktisere språket i gruppe, og det kan då vere nødvendig å tilby delar av opplæringa i eit samiskspråkleg miljø. Departementet ser ikkje bort frå at det i nokre tilfelle kan vere nødvendig å tilby ein del av opplæringa i eit samiskspråkleg miljø også når undervisninga i samisk blir gitt gjennom stadleg undervisning, til dømes i tilfelle der eleven får undervisninga aleine. Departementet legg likevel til grunn at det i dei fleste tilfella ikkje vil vere nødvendig med opplæring i samiskspråkleg miljø i tillegg til stadleg undervisning i samisk.

### **30.5.5 Obligatorisk samiskopplæring i forvaltningsområdet**

I høyringa foreslo departementet å vidareføre dagens regel om at kommunar i forvaltningsområdet for samisk språk kan gi forskrifter om at alle elevar i grunnskolealder skal ha opplæring i samisk. Slik opplæring er av mindre omfang enn opplæring i samisk som første- eller andrespråk.

Sametinget har i konsultasjonar med departementet gitt innspel om at regelen bør endrast slik at opplæringa kommunane kan fastsetje, skjer etter læreplanane i samisk som første- eller andrespråk. Sametinget viser til at det er uheldig at ein sender elevane gjennom eit utdanningsløp som ikkje gir kompetanse. Sametinget viser også til at det er utfordrande at det ikkje finst nasjonalt gitte læreplanar for slik lokal fastsett opplæring. Dei meiner det utfordrar myndet Sametinget har til læreplanfastsetjing, samtidig som det tvingar kommunane til å lage eigne læreplanar i faget. Sametinget meiner obligatorisk opplæring er eit godt initiativ, og at det er naturleg at denne opplæringa skjer i tråd med læreplanane i samisk som første- og andrespråk. Sametinget meiner læreplanane i samisk som første- og andrespråk bidrar til best utvikling i samisk språk, og er ueinig i at det er for inngripande å påleggje elevar å følgje desse læreplanane, eventuelt med tilpassingar.

Departementet meiner dagens regel om at kommunar i forvaltningsområdet for samisk språk kan gi forskrifter om at alle elevar i grunnskolealder skal ha opplæring i samisk, bør førast vidare. Departementet meiner vidare at opplæringa i samisk kommunane kan fastsetje, bør vere av eit mindre omfang enn opplæring i samisk som første- eller andrespråk. Departementet meiner det vil vere for inngripande dersom kommunar i forvaltningsområdet skal kunne påleggje alle elevar i grunnskolen opplæring etter læreplanane i samisk som første- eller andrespråk. Dette er fag med høge timetal, og elevar som følgjer desse læreplanane, er fritekne frå mellom anna krav om opplæring i skriftleg sidemål og framandspråk. Vidare meiner departementet det er positivt med eit lågterskeltilbod, slik den obligatoriske samiskopplæringa er meint å vere. Eit forslag om å gi kommunane i forvaltningsområdet heimel til å fastsetje at alle grunnskoleelevar i kommunen skal ha opplæring i samisk som første- eller andrespråk, er dessutan ikkje greidd ut eller høyrt, og departementet veit ikkje om dette er eit ønske blant kommunane.

### **30.5.6 Moglegheita departementet har til å gi forskrifter om opplæring i og på samisk**

Departementet meiner at det ikkje er behov for forskriftsheimlar for departementet til å gi nærmere reglar om opplæring i og på samisk.

Sametinget har i konsulasjonar med departementet understreka behovet for fleire skolar som kan gi opplæring i eller på samisk eller i særskilde samiske fag. Sjølv om forskriftsheimelen ikkje har vore tatt i bruk til no, meiner Sametinget at det er viktig å behalde han i lova, spesielt for dei vidaregåande skolane utanfor forvaltningsområdet. Sametinget har vist til at dette er like viktig for alle dei tre samiske språka, og at det vil forplikte vidaregåande skolar til å rekruttere undervisningspersonell til samiskopplæring.

Departementet meiner at heimelen i dagens opplæringslov om at departementet kan gi forskrifter om at visse skolar skal tilby opplæring i eller på samisk eller i særskilde samiske fag i den vidaregåande opplæringa, ikkje bør førast vidare. Heimelen har aldri vore teken i bruk. Av omsyn til det lokale sjølvstyret er det ikkje tenleg at staten skal kunne påleggje ein fylkeskommune å tilby slik opplæring.

Departementet viser til at dagens statlege vidaregåande skolar i Karasjok og Kautokeino ikkje er heimla i denne regelen. Desse skolane er heimla i ein regel i dagens opplæringslov, som er foreslått vidareført i forslaget til ny § 28-6 siste ledd, sjå omtnale i punkt 53.5.3.

Dersom det skulle oppstå behov for at vidaregåande skolar skal gi opplæring i og på samisk, kan dette varetakast gjennom avtalar og tilskotsordningar.

Departementet foreslår derfor å ikkje vidareføre heimelen departementet har til å gi forskrift om at visse vidaregåande skolar skal tilby opplæring i eller på samisk eller i særskilde samiske fag.

### **30.5.7 Opplæring via alternative opplæringsformer**

Departementet foreslår ei generell regulering av fjernundervisning i den nye opplæringslova, sjå nærmere i punkt 15. Forslaget til regel om fjernundervisning i § 14-4 vil gi moglegheita til å gi opplæring i og på samisk via fjernundervisning, uavhengig av om kommunen ligg innanfor eller utanfor forvaltningsområdet. Når det gjeld situasjonen utanfor forvaltningsområdet, svarer dette i all hovudsak til dagens rettstilstand, og det er derfor ikkje behov for å vidareføre særreglar om hove

til fjernundervisning i samisk utanfor forvaltningsområdet.

Den generelle regelen vil gjelde tilsvarende innanfor forvaltningsområdet. Departementet meiner dagens regel om at det ikkje er høve til å gi opplæring i og på samisk ved hjelp av alternative opplæringsformer innanfor forvaltningsområdet, er for begrensande. Moglegheita til å gi opplæring ved hjelp av alternative opplæringsformer bør gjelde uavhengig av om kommunane er innanfor eller utanfor forvaltningsområdet. I denne samanhengen er det relevant å peike på at elevane innanfor forvaltningsområdet har rett til å velje mellom opplæring i tre ulike samiske språk. Ein elev som har lulesamisk som førstespråk, men som bur i ein kommune der nordsamisk dominerer, kan til dømes ha behov for opplæring i lulesamisk via fjernundervisning.

Etter forslaget til § 14-4 gjeld det visse vilkår for at opplæringa kan givast som fjernundervisning: Det må ligge føre gode grunnar for å gi opplæringa som fjernundervisning, det må vere trygt og pedagogisk forsvarleg, og fjernundervisninga må gjennomførast slik at elevane og læraren kan kommunisere effektivt. Departementet legg til grunn at dersom det ikkje finst undervisningspersonale som kan undervise i samisk, vil vilkåret om gode grunnar vere oppfylte. Vidare må det vere trygt og pedagogisk forsvarleg å gjennomføre opplæringa som fjernundervisning, og fjernundervisninga må gjennomførast slik at elevane og læraren kan kommunisere effektivt. Dette er krav som ikkje følgjer eksplisitt av lova i dag når det gjeld bruk av fjernundervisning i samisk, men som ikkje er nokon vesentleg innskjerping ettersom all opplæring skal vere forsvarleg.

Når det gjeld andre alternative opplæringsformer, som til dømes intensivopplæring eller språksamlingar, blir dette regulert av reglane som blir foreslått om organisering av opplæringa og handlingsrommet til kommunane og fylkeskommunane, sjå til dømes forslaget til § 14-2 om inndeling av elevane i klassar og grupper.

## **30.6 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å vidareføre retten til opplæring i og på samisk i grunnskolen og retten til opplæring i samisk i vidaregåande opplæring, sjå forslaget til §§ 3-2 og 6-2
- å innføre ein rett til opplæring i samisk i vidaregåande opplæring for ikkje-samiske elevar som

har hatt opplæring i eller i og på samisk i grunnskolen, sjå forslaget til § 6-2 andre ledd

- å vidareføre moglegheita kommunane har til å legge opplæringa på samisk til éin eller fleire skolar i kommunen, sjå forslaget til § 3-2 femte ledd
- å lovfeste at kommunen og fylkeskommunen skal gi eleven tilbod om del av opplæringa i samisk i eit samiskspråkleg miljø dersom det er nødvendig for at opplæringa skal vere pedagogisk forsvarleg, sjå forslaget til §§ 3-2 siste ledd og 6-2 siste ledd
- å vidareføre at kommunar i forvaltningsområdet for samisk språk kan fastsetje i forskrift at alle grunnskoleelevar skal ha grunnleggjande

opplæring i samisk språk og samisk kultur, sjå forslaget til § 3-2 andre ledd andre punktum

- å vidareføre at elevar frå 8. trinn sjølve vel om dei ønskjer opplæring i og på samisk, sjå forslaget til § 3-2 fjerde ledd
- å vidareføre dagens regel om at kommunen kan gi opplæring i samisk gjennom fjernundervisning når opplæringa ikkje kan bli gitt av eigna undervisningspersonale på skolen, sjå forslaget til § 14-4
- å ikkje vidareføre heimelen departementet har til å gi forskrift om at visse vidaregåande skolar skal tilby opplæring i eller på samisk eller i særskilde samiske fag

## 31 Opplæring i kvensk og finsk

### 31.1 Innleiing

Dette punktet handlar om opplæring i kvensk og finsk.

Kvenene/norskfinnane er ein språkleg og etnisk minoritet med historisk tilhøyrsel i Nord-Noreg, hovudsakleg i Troms og Finnmark. Kvene/norskfinnar er på linje med jødar, rom, romanifolk/taterar og skogfinnar anerkjende som nasjonale minoritetar i Noreg.

### 31.2 Dagens reglar

#### 31.2.1 Noregs folkerettslege forpliktingar

FNs konvensjon om sivile og politiske rettar artikkel 27 slår fast at personar som tilhører ein minoritet, har rett til å dyrke kulturen sin og bruke språket sitt. Barnekonvensjonen har ein tilsvarende regel i artikkel 30 om barn som tilhører ein språkleg minoritet. Konvensjonsreglane gjeld som norsk lov etter menneskerettslova § 2 og skal ved motstrid gå føre anna norsk lov eller forskrift, jf. menneskerettslova § 3.

Noreg har også ratifisert Europarådets minoritetsspråkpakt og Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar. Staten har med det forplikta seg til å legge forholda til rette for at nasjonale minoritetar skal kunne bevare og vidareutvikle eigenarten sin, språket sitt og kulturen sin.

#### 31.2.2 Opplæringslova

Opplæring i kvensk og finsk for elevar i grunnskolen er regulert i opplæringslova § 2-7. Elevar med kvensk/norskfinsk bakgrunn har rett til opplæring i kvensk eller finsk når minst tre elevar ved grunnskolar i Troms og Finnmark krev det. Det er ikkje eit krav at dei tre elevane må gå på same trinn.

Elevar på barnetrinnet som har kvensk eller finsk etter læreplanen i kvensk eller finsk som andrespråk, har fleire timar totalt enn andre elevar. Opplæringa kan organiserast på ulike måtar, anten ved at elevane har 190 årsstimar ekstra,

eller ved at kommunen omdisponerer timar innanfor regelverket (inntil fem prosent av timane som er fastsette i kvart enkelt fag). På ungdomstrinnet er det ikkje forskjell i talet på timar mellom elevar som har opplæring i kvensk eller finsk, og elevar som ikkje har det, dersom kvensk/finskelevane vel bort framandspråk. For elevar på ungdomstrinnet som vel å også ha framandspråk, fordjuping eller arbeidslivsfag, kan timar til opplæring i kvensk eller finsk blir organiserte anten ved å gi elevane inntil 114 timar i tillegg, omdisponere fem prosent til faget eller kombinere desse to. Dette følgjer av forskrift til opplæringslova § 1-1 der det står at opplæringa i grunnskolen skal vere i samsvar med Læreplanverket for Kunnskapsløftet, som mellom anna omfattar fag- og timefordelinga.

Når opplæringa ikkje kan givast av eigna undervisningspersonale ved skolen, har elevane rett til alternativ form for opplæring, til dømes fjernundervisning, intensivundervisning eller særskilt leirskoleopphald. Dette følgjer av forskrift til opplæringslova § 7-1.

Det er ingen tilsvarende rett til opplæring i kvensk eller finsk i vidaregåande opplæring, men fylkeskommunen kan velje å tilby det. Læreplanen i kvensk dekkjer både opplæringa i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa.

I dag blir det løyvd øyremerkte tilskot til opplæring i kvensk og finsk over Kunnskapsdepartementets budsjett (kap. 225, post 63 og post 67). Tilskota skal bidra med finansiering til kommunar, fylkeskommunar og private skolar for å kompensere for meirutgifter som følgjer av rettar til opplæring i kvensk og finsk i opplæringslova.

### 31.3 Høyringsforslaget

Departementet foreslo

- å utvide retten til opplæring i kvensk og finsk slik at han gjeld for elevar med kvensk/norsk-finsk bakgrunn ved grunnskolar i Troms og Finnmark, uavhengig av kor mange elevar ved skolen som ønskjer slik opplæring
- å vidareføre dagens regel om at kommunen kan gi opplæring i kvensk og finsk gjennom

fjernundervisning når opplæringa ikkje kan bli gitt av eigna undervisningspersonale på skolen

Departementet følgde i hovedsak opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 34. Forslaget om å utvide retten til opplæring i kvensk og finsk slik at han gjeld for elevar med kvensk/norskfinnisk bakgrunn ved grunnskolar i Troms og Finnmark, uavhengig av kor mange elevar ved skolen som ønskjer slik opplæring, va nytt sammenligna med forslaget frå opplæringslovutvalet.

## 31.4 Høyringsinstansanes syn

### 31.4.1 Utvida retten til opplæring i kvensk og finsk

Om lag 25 høyringsinstansar har uttalt seg om forslaget. Ingen instansar er mot å vidareføre dagens rettar til grunnskoleopplæring i kvensk og finsk.

Blant dei som har uttalt seg, er det brei støtte til forslaget om å utvide retten til opplæring i kvensk og finsk i Troms og Finnmark til å gjelde uavhengig av kor mange elevar som ønskjer det. Fleire høyringsinstansar støttar forslaget utan ytterlegare kommentarar. *Tromsø kommune* meiner retten bør vere avgrensa til Troms og Finnmark av omsyn til moglegheita for å rekruttere kvalifiserte lærarar i kvensk og finsk.

Nokre høyringsinstansar, mellom anna *Språkrådet*, *Troms og Finnmark fylkeskommune*, *Karasjok kommune*, *Norske kveners forbund* og *Nord-Varanger kvenforening*, støttar forslaget delvis. Det blir påpeika at retten til opplæring i kvensk og finsk må gjelde utan avgrensingar, slik at han gjeld uavhengig av talet på elevar, og også i vidaregåande opplæring. *Kvensk finsk Riksforbund* har også gitt innspel til avgrensinga i geografi og meiner at det må givast eit tilbod om kvensk og finsk språkopplæring i heile landet, eventuelt at det gjeld eit krav om at tre elevar må ønskje det for at retten trer inn.

Nokre høyringsinstansar har gitt innspel til at retten til opplæring i kvensk og finsk gjeld elevar med kvensk/norskfinnisk bakgrunn. *Språkrådet* meiner retten til opplæring i kvensk og finsk må gjelde uavhengig av etnisk bakgrunn. På motsett side meiner *Tromsø kommune* at retten må reserverast for dei som fell innanfor definisjonen for språkleg og etnisk minoritet med historisk tilhøyrsel i Nord-Noreg.

### 31.4.2 Moglegheit til å gi opplæringa i kvensk og finsk gjennom fjernundervisning

Det er under ti høyringsinstansar som har teke stilling til forslaget. Dei som har uttalt seg, støttar forslaga i høyringsnotatets kapittel om kvensk og finsk på generelt grunnlag, utan å gi konkrete innspel eller ytterlegare kommentar til forslaget om fjernundervisning.

## 31.5 Departementets vurdering

### 31.5.1 Retten til opplæring i kvensk og finsk bør ikkje avhenge av talet på elevar som ønskjer slik opplæring

Departementet foreslår at retten til opplæring i kvensk og finsk bør utvidast slik at han gjeld for elevar med kvensk/norskfinnisk bakgrunn ved grunnskolar i Troms og Finnmark, uavhengig av kor mange elevar ved skolen som ønskjer slik opplæring.

Dagens krav om at tre elevar ved same skole må krevje opplæring i kvensk eller finsk for at retten skal tre inn, kan vere uheldig. Kravet fører til at elevar som bur i område med få kvener/norskfinnar, eller i område med små skolar, kan risikere å ikkje få rett til opplæring i kvensk eller finsk. Det kan også vere utfordrande dersom tre elevar startar på kvensk- eller finskopplæring og ein elev flyttar frå skolen, fordi dei elevane som er att, kan risikere å måtte avslutte opplæringa. Dette gir ein risiko for at elevane ikkje får kontinuitet i kvensk- eller finskopplæringa.

Det er skolar i Troms og Finnmark som i dag tilbyr undervisning i kvensk og finsk uavhengig av kor mange elevar som ønskjer det. Praksis i dag er at kommunane får tildelt tilskot frå første elev. Det betyr at sjølv om det ikkje er tre elevar som ønskjer opplæring i kvensk eller finsk, så blir det ofte gitt eit opplæringstilbod for å skape eit stabilt tilbod for elevane. Departementet meiner denne praksisen bør lovfestast som ein rett for eleven.

Departementet har merka seg at fleire høyringsinstansar ønskjer ein individuell rett til opplæring i finsk og kvensk i heile landet, og at denne skal gjelde også i vidaregåande opplæring.

Sjølv om ei utviding av retten til å gjelde i heile landet kan føre til større behov for lærarar, og igjen meir interesse for at ein utdannar seg som lærar som kan undervise i finsk og kvensk, meiner departementet at ein slik rett ikkje bør lovfestast no. Det er svært usikkert om det er mogleg å skaffe nok kvalifiserte lærarar, og dette er ein vik-

tig føresetnad for å kunne oppfylle ein slik rett. Ei utviding vil sannsynlegvis føre til mangel på lærarar. Dette står likevel ikkje i vegen for at kommunar utanfor Troms og Finnmark på eige initiativ kan tilby opplæring i kvensk og finsk dersom dei har kapasitet til dette.

Departementet meiner vidare at utfordringane med å skaffe lærarar med tilstrekkeleg kompetanse vil vere like store på vidaregåande nivå, og at retten derfor ikkje bør utvidast til vidaregåande opplæring no.

Nokre høyningsinstansar har uttalt seg om kva elevar retten til opplæring i kvensk og finsk bør gjelde for. Departementet meiner, som i høyringa, at det må vidareførast at retten til opplæring i kvensk og finsk gjeld for elevar med kvensk/norskfinsk bakgrunn.

Departementet vurderer på denne bakgrunnen at retten til opplæring i kvensk og finsk bør utvidast slik at han gjeld for elevar med kvensk/norskfinsk bakgrunn ved grunnskolar i Troms og Finnmark, uavhengig av kor mange elevar ved skolen som ønskjer slik opplæring.

### **31.5.2 Vidareføre moglegheita til å gi opplæringa i kvensk og finsk gjennom fjernundervisning**

I dag er det høve til å gi opplæringa i kvensk og finsk gjennom fjernundervisning. Departementet meiner denne moglegheita bør førast vidare, og

det er tenleg å regulere dette i lova i ein generell paragraf om fjernundervisning, sjå omtale i punkt 15. Regelen gir skolane moglegheita til å gi opplæringa i kvensk og finsk gjennom fjernundervisning når det ikkje finst lærarar som kan gi opplæringa på nærskolen. Dette kan sikre at fleire elevar som har rett til opplæring i kvensk og finsk, får tilgang på det.

Den moglegheita som er i dag til å gi delar av opplæringa i kvensk eller finsk gjennom andre alternative opplæringsformer som intensivopplæring og særlege leirskoleopphald, vil vere dekt av andre reglar i lova, mellom anna gjennom forslaget til § 14-2 om inndeling av elevane i klassar og grupper.

### **31.6 Departementets forslag**

---

Departementet foreslår

- å utvide retten til opplæring i kvensk og finsk slik at han gjeld for elevar med kvensk/norskfinsk bakgrunn ved grunnskolar i Troms og Finnmark, uavhengig av kor mange elevar ved skolen som ønskjer slik opplæring, sjå forslaget til § 3-3
- å vidareføre dagens regel om at kommunen kan gi opplæring i kvensk og finsk gjennom fjernundervisning når opplæringa ikkje kan bli gitt av eigna undervisningspersonale på skolen, sjå forslaget til § 14-4

## **32 Opplæring i punktskrift, tekniske hjelpemiddel og mobilitet**

### **32.1 Innleiing**

Dette punktet handlar om opplæring i punktskrift, bruk av tekniske hjelpemiddel og opplæring i mobilitet for elevar som er blinde eller sterkt svaksynte.

Punktskrift er eit skriftsystem som består av opphøgde teikn som blir lese taktilt ved ei lett berøring med fingertuppane. Punktskrift blir brukt av personar som er blinde, og personar som har så nedsett synsfunksjon at dei ikkje kan lese visuell skrift på ein funksjonell måte. Skriftsystemet er tilpassa ulike skriftspråk og blir brukt verda over.

Tekniske hjelpemiddel som er vanlege for elevar som er blinde og sterkt svaksynte, er mellom anna mobilitetsstokk, lese-TV, lupe, punktskriftmaskin, teikne- og konstruksjonsutstyr som gir taktil attgjeving på ark, taktilt eller auditivt merkeutstyr, klokke med taktil markering eller tale, målereiskapar med taktil markering eller auditiv tilbakemelding og navigasjonshjelpemiddel som GPS med tale. I skolesamanheng er datamaskin og nettbrett med integrerte eller installerte skjermlesarar (programvare som forstørrar tekst, omset til punktskrift via leselist eller omset til tale via talesyntese), leselist, ulike noteringsverktøy, punktskrivar og skannar/kamera med ulike gjenkjenningsfunksjonar vanlege hjelpemiddel for sterkt svaksynte og blinde.

Opplæring i mobilitet skal utvikle evna blinde og sterkt svaksynte elevar har til å orientere seg i omgivnadene. Målet er at elevane skal kunne ta seg fram frå ein stad til eit annan på ein mest mogleg sjølvstendig, effektiv og trygg måte.

I tillegg omtaler dette punktet ADL-trening. ADL-trening står for aktivitetar i daglelivet, frå engelsk *activities of daily living*. ADL-trening gir funksjonshemma trening i ferdigheter som er nødvendig for å kunne fungere i kvardagslivet, til dømes å kunne kle seg, lage mat og ta vare på den personlege hygienen sin.

Stortinget slutta seg til Innst. 12 S (2015–2016) og ba Kunnskapsdepartementet om å greie ut «hvordan retten til opplæring i dagliglivets aktiviteter (ADL) for svaksynte og blinde elever best

ivaretas uten å gå ut over ordinær undervisning». På bakgrunn av dette fekk Utdanningsdirektoratet i oppdrag å gjennomføre ei slik utgreiing. Direktoratet anbefalte i sitt svar 15. august 2018 at blinde og sterkt svaksynte elevar blir gitt rett til nødvendig opplæring i ADL ved at dette inkluderast i reglane om rett til opplæring i punktskrift, tekniske hjelpemiddel og mobilitet. Se nærmare om departementets vurdering om ADL-trening i punkt 32.5.3.

### **32.2 Dagens reglar**

#### **32.2.1 Noregs folkerettslege forpliktingar**

FNs konvensjon om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne artikkel 24 gir staten plikt til å sikre eit inkluderande utdanningssystem. I tredje ledd bokstav a og c er det oppgitt korleis dette kan skje ved

- a) å legge til rette for innlæring av punktskrift, alternativ skrift, alternative og supplerende kommunikasjonsformer, -midler og -formater, orienterings- og mobilitetsferdigheter, samt legge til rette for likemannsarbeid og mentorvirksomhet,
- c) å sikre at undervisningen av blinde, døve og døvblinde personer, og især barn, finner sted på de språk og i de kommunikasjonsformer og med de kommunikasjonsmidler som er best tilpasset den enkelte, og i et miljø som gir størst mulig faglig og sosial utvikling.

#### **32.2.2 Opplæringslova**

Sterkt svaksynte og blinde elevar har rett til nødvendig opplæring i punktskrift og opplæring i bruk av nødvendige tekniske hjelpemiddel. Dei har også rett til opplæring i mobilitet, det vil seie nødvendig opplæring i å ta seg fram på skolen, til og frå skolen og i heimemiljøet, jf. opplæringslova §§ 2-14 og 3-10. Før det blir gjort vedtak om slik opplæring, skal det ligge føre ei sakkunnig vurdering. Sjå punkt 27 om dette.

Opplæringa blir gitt som eit tillegg til det ordinære timetalet. I grunnskolen har elevane rett til inntil 1525 tilleggstimar, og i vidaregåande opplæring har elevane rett til inntil 456 tilleggstimar, jf. forskrift til opplæringslova § 1-1 første ledd bokstav f og § 1-3 første ledd bokstav b.

Elevar som får opplæring etter opplæringslova §§ 2-14 og 3-10, kan til liks med andre elevar også ha rett til spesialundervisning etter kapittelet i lova 5. Elevane kan også ha rett til to ekstra år med vidaregåande opplæring dersom dei treng det, jf. § 3-1 femte ledd. Dei to åra gjeld uavhengig av om eleven får ekstra timer til opplæring i punktskrift, tekniske hjelpemiddel og mobilitet.

### 32.2.3 Andre regelverk

Likestillings- og diskrimineringslova § 21 gir elevar og studentar med funksjonsnedsetjingar rett til individuell tilrettelegging av lærestad, undervisning, læremiddel og eksamen. Ifølgje § 17 i same lov har alle offentlege og private verksemder retta mot allmenta plikt til universell utforming av dei alminnelege funksjonane for verksamda. Dette gjeld også IKT-løysingane i verksamda, jf. § 18 med tilhøyrande forskrift.

Skolen har plikt til å vareta behovet til barn og unge med nedsett funksjonsevne i utforminga og innreiinga av lokala og uteområdet til skolen, jf. forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v. § 9 andre ledd.

Ansvaret til kommunane for habiliterings- og rehabiliteringstenester etter helse- og omsorgstestelova med tilhøyrande forskrifter supplerer også i nokre tilfelle reglane i opplæringslova.

## 32.3 Høyingsforslaget

I høyringa foreslo departementet

- å vidareføre retten til opplæring i punktskrift
- å vidareføre retten til opplæring i bruk av tekniske hjelpemiddel og i mobilitet for blinde eller sterkt svaksynte
- å vidareføre at sterkt svaksynte og blinda elevar som har behov for ADL-trening, får dette gjennom vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring (og ikke i kraft av ein særskild paragraf)

Med dette høyingsforslaget følgde departementet i hovudsak opp forslaget frå opplæringslovutvallet i NOU 2019: 23, kapittel 34. Utvalget mente det var uklart hva som ligg i formuleringen i dagens opplæringslov §§ 2-14 og 3-10 om at elevene har

rett til nødvendig opplæring i «å ta seg fram [...] i heimemiljøet», og foreslo å endre lovteksten til «nødvendig opplæring i mobilitet». I høringen foreslo departementet å videreføre ordlyden om elevenes rett til å ta seg fram i heimemiljøet i lovteksten, fordi departementet mente at utvalgets forslag framsto som å ha noe snevrere rekkevidde enn dagens regulering.

## 32.4 Høyingsinstansanes syn

### 32.4.1 Rett til opplæring i punktskrift

Dei 11 høyingsinstansane som uttaler seg om forslaget om å vidareføre retten til opplæring i punktskrift, støttar at retten til opplæring blir videreført, men enkelte høyingsinstansar har kommentarar til den konkrete utforminga av retten. Blant høyingsinstansane som har uttalt seg, er *Statped*, *Rogaland fylkeskommune*, *Norges Blindeforbund*, *Unge funksjonshemmde* og *Utdanningsforbundet*.

*Foreldre til blinde barn* og *Norges Blindeforbund* er kritiske til at elevar som er blinde eller sterkt svaksynte, skal ha rett til «nødvendig» opplæring i punktskrift. Høyingsinstansane spør kva som ligg i omgrepene «nødvendig», om kven som skal gjennomføre vurderinga, og om den som skal gjennomføre vurderinga, har tilstrekkeleg kompetanse til dette. Forbundet viser til at elevar som får undervisning i skolen på ei anna målform, eller i og på norsk teiknspråk, ikke berre har rett på «nødvendig» opplæring.

*Statped* meiner at paragrafane om punktskrift bør plasserast i kapittel 11 om arbeidet for å sikre at elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og viser til at punktskrift ikke er eit skriftspråk, men eit skriftsystem. Derfor bør ikke retten til punktskrift plasserast i kapitla om val av skriftspråk og særskilde språkrettar.

*Oslo kommune* uttaler seg i same retning.

### 32.4.2 Rett til opplæring i bruk av tekniske hjelpemiddel og i mobilitet

Av dei 23 høyingsinstansane som uttaler seg om forslaget om å vidareføre retten til opplæring i bruk av tekniske hjelpemiddel og i mobilitet, støttar alle forslaget heilt eller delvis. *Norges Blindeforbund* støttar ei vidareføring av retten og viser til at mobilitetsopplæring for blinde og svaksynte er viktig for å klare seg sjølv. Forbundet har enkelte forslag til endringar og presiseringar. *Norges Blindeforbund* stiller seg spørjande til kva som ligg i nemninga «heimemiljøet og til og fra skolen». *Norges Blindeforbund* meiner også at plikta forel-

dra har til å følgje opp skolegangen for barna, ikkje er teke omsyn til i lovverket. Synstekniske hjelphemiddel er svært kompliserte, og også forldre vil trenge opplæring i bruken av dei.

Enkelte høyringsinstansar, mellom anna *Universitetet i Agder, Foreldre til blinde barn, Unge funksjonshemmde* meiner at det må stillast krav til at tilsette har kompetanse i bruk av ulike tekniske hjelphemiddel. *Foreldre til blinde barn* meiner også at det må stillast krav til dokumentert kompetanse innan synspedagogikk for å gi blinde elevar opplæring i bruken av tekniske hjelphemiddel og mobilitet.

### **32.4.3 Om ADL-trening (aktivitetar i daglegrivet)**

Alle høyringsinstansane som uttaler seg, støttar at ADL-trening (aktivitetar i daglegrivet) skal tilbydast dei som har behov for det. Fleire høyringsinstansar peikar på viktigheita av slik trening. *OsloMet* viser til at ADL-ferdigheiter kan bidra til sjølvstende, deltaking og å utfalde seg i fellesskap og til gode overgangar mellom skole- og vaksen/arbeidsliv. *Norges Blindeforbund* peikar på at blinde og sterkt svaksynte treng gode ADL-ferdigheiter for å leva eit sjølvstendig liv, og at ADL er opplæring i aktivitetar som set blinde og sterkt svaksynte i stand til å fungere i daglegrivet. Fleire høyringsinstansar har kommentarar til korleis retten skal formast ut i lova. *Statped* støttar intensjonen til departementet om at utviklinga til eleven av ADL-ferdigheiter i størst mogleg grad bør sjåast som ein integrert del av den opplæringa som skjer i løpet av skolekvartdagen.

Nokre av høyringsinstansane ønskjer at det blir lovfesta særskilt at blinde og sterkt svaksynte har rett til ADL-trening, framfor at ADL-trening framleis skal tilbydast til dei som har behov for det, gjennom vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring. Blant desse høyringsinstansane er *Norges Blindeforbund* og *Statped*. *OsloMet* meiner at slik dagens lov, læreplanverk og tilhøyrande rettleiingar er formulerte, står ADL-trening i dag i ein svært svak posisjon, og at det er vesentleg at lovttekst, forskrifter (læreplanar) og rettleiingar gir innhald til denne retten, slik at skolen kan drive systematisk opplæring på dette området.

## **32.5 Departementets vurdering**

### **32.5.1 Rett til opplæring i punktskrift**

I CPRD artikkel 24 går det fram at traktatspartane skal sikre eit inkluderande utdanningssystem,

mellom anna for sterkt svaksynte og blinde elevar, sjå tredje ledd bokstav a og c. Departementet meiner at reglane i lovforslaget om opplæring i punktskrift, bruk av tekniske hjelphemiddel og opplæring i mobilitet varetar konvensjonspliktene på dette punktet.

Departementet foreslår å vidareføre retten til opplæring i punktskrift for elevar som er blinde og sterkt svaksynte.

Departementet ser det slik at omgrepet «nødvendig» bør bli ståande som eit vilkår for kva opplæring elevane har rett til. Omgrepet «nødvendig» er meint å sikre at elevane skal få tilstrekkeleg opplæring til å kunne nyttiggjere seg punktskrift, tekniske hjelphemiddel, og mobilitet.

Departementet er samd med høyringsinstansane som uttaler at punktskrift ikkje er eit skriftspråk. Departementet meiner likevel at det er naturleg å plassere paragrafane om rett til opplæring i punktskrift i kapitla om val av skriftspråk og særskilde språkrettar for høvesvis grunnskoleopplæring og for vidaregåande opplæring, fordi punktskrift er eit skriftsystem som er ein føresettad for at blinde og svaksynte kan nytte språk gjennom lesing og skriving. Denne opplæringa skal skje uavhengig av kva for ei anna tilrettelegging eleven får, og er ikkje knytt til reglar om individuelt tilrettelagd opplæring. Paragrafen høyrer derfor, slik departementet ser det, meir naturleg saman med skrift- og språkreglane enn med tilretteleggings- og hjelphemiddelreglane.

Til *Norges Blindeforbund* sitt høyringsinnspel om at foreldre treng hjelp til opplæring i bruken av synstekniske hjelphemiddel, viser departementet til at det fell utanfor opplæringslovas rammer å regulere rett til opplæring i slike hjelphemiddel til foreldra.

Elevar med rett til opplæring i og på teiknspåspråk har i dag rett til to ekstra år med vidaregåande opplæring dersom dei treng det, jf. opplæringslova § 3-1 femte ledd. Denne regelen blir foreslått ikkje vidareført, ettersom departementet foreslår ein generell rett til vidaregåande opplæring fram til den enkelte har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse, jf. punkt 40.2.4.2.

### **32.5.2 Rett til opplæring i tekniske hjelphemiddel og mobilitet**

Departementet foreslår at alle elevar som har behov for tekniske hjelphemiddel, skal ha rett til nødvendig opplæring i bruk av desse hjelphemidla. Departementet foreslår å vidareføre retten blinde og svaksynte har til opplæring i tekniske hjelphemiddel, gjennom den generelle regelen om rett til

fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel som er foreslått, sjå punkt 25 og lovforslaget § 11-5 første ledd. Blinde og sterkt svaksynte vil etter forslaget framleis ha rett til nødvendig opplæring i tekniske hjelpemiddel slik som i dag. Det er derfor ikkje nødvendig å regulere retten blinde og svaksynte har til nødvendig opplæring i tekniske hjelpemiddel særskilt.

Enkelte høringsinstanser mener at det må stilles krav til at ansatte har kompetanse i bruk av ulike tekniske hjelpemidler, herunder at det stilles krav til dokumentert kompetanse innen synspedagogikk for å gi blinde elever opplæring i bruken av tekniske hjelpemidler og mobilitet. Departementet meiner at det ikkje er behov for særskilte regler om dette, og viser til tilsvarende omtale i punkt 50.5.12.

Departementet foreslår også å vidareføre at blinde og sterkt svaksynte skal ha rett til opplæring i mobilitet, slik at dei kan komme seg til og frå skolen og ta seg fram på skolen og i heimemiljøet.

Når det gjeld kva som ligg i omgrepene «heimemiljøet» både i dag og etter lovforslaget, som *Norges Blindeforbund* spør etter ei klargjering av, vil departementet kommentere at mobilitetsopplæring for å ta seg fram i heimemiljøet etter ordlyden sin ikkje kan avgrensast til innlæring av ruter og ferdigheter som har tilknyting til skoleaktivitetar. Slik departementet ser det, omfattar omgrepet heimemiljø også at det er mogleg for eleven å ta seg trygt fram til og frå aktivitetar i nærområdet, som til dømes ein fritidsaktivitet eller besøkje venner.

### 32.5.3 Om ADL-trening

Blinde og svaksynte elevar kan trenge hjelp til på- og avkleding, hjelp i samband med å lage og ete mat, toalettbesøk og anna trening i daglegdagse gjeremål. Dette blir kalla ADL-trening. ADL-trening kan reknast som opplæring når tiltaket blir

gitt under ansvaret og leiinga til skolen, og når tiltaket er ein del av ein individuell opplæringsplan og er heimla i enkeltvedtak om individuelt tilrettelagd opplæring. Opplæring i aktivitetar i dagleglivet blir ikkje omfatta av paragrafan i opplæringslova om opplæring i punktskrift, tekniske hjelpemiddel og mobilitet.

Departementet meiner det er tenleg at elevar med behov for ADL-trening framleis får dette gjennom eit vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring, se punkt 25 og lovforslaget § 11-6. Departementet viser til at det er sannsynleg at det også er mange elevar som ikkje er blinde eller sterkt svaksynte, som vil ha behov for slik opplæring i skolen.

*OsloMet* har notert seg at det finst lite rettleiing om kva ADL-trening som skal givast. Til dette vil departementet kommentere at innhaldet i ADL-treninga til den enkelte kan variere mykje, og dette taler for at det blir gjort ei individuell vurdering etter kriteria gitt i paragrafen om individuelt tilrettelagd opplæring. Departementet peiker vidare på at Statped har utarbeidd ei rettleiing om ADL-trening på nettsidene sine. Departementet vil leggje til at slik ferdighetstrening bør leggjast inn som ein integrert del av skolekvarden og gli mest mogleg naturleg inn i anna opplæring.

## 32.6 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å vidareføre retten til opplæring i punktskrift, sjå forslag til §§ 3-5 og 6-4
- å vidareføre retten til opplæring i bruk av tekniske hjelpemiddel og i mobilitet for blinde og sterkt svaksynte, sjå forslaget til § 11-5
- å vidareføre at blinde og svaksynte som treng det for å få tilfredsstillande utbytte av opplæringa skal ha rett til ADL-trening (aktivitetar i dagliglivet) gjennom vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring, sjå forslaget til § 11-6

## **33 Skolemiljøet til elevane**

### **33.1 Innleiing**

Dette punktet handlar om skolemiljøet til elevane. Reglane om skolemiljøet til elevane er regulert i dagens opplæringslov kapittel 9 A.

Reglane om skolemiljø blir drøfta tematisk. Under kvart temapunkt drøftar departementet dagens reglar, departementets forslag i høyringa, synet til høyringsinstansane, departementets vurdering og departementets forslag.

- Verkeområdet for reglane om skolemiljø (punkt 33.2)
- Retten til eit trygt og godt skolemiljø (punkt 33.3)
- Plikt til å ikkje godta krenkjande oppførsel (punkt 33.4)
- Plikt til førebyggjande arbeid (punkt 33.5)
- Plikt til å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø (punkt 33.6)
- Plikt til å melde frå dersom ein som arbeider på skolen, krenkjer ein elev (punkt 33.7)
- Myndet statsforvaltarane har til å handheve plikta til å sikre eit trygt og godt psykososialt miljø (punkt 33.8)
- Det fysiske skolemiljøet, skoleanlegg og alkoholforbodet (punkt 33.9)
- Forslag om ikkje å vidareføre forskriftsheimel om skolemiljø (punkt 33.10)

Omtrent hundre høyringsinstansar har uttalt seg om forslaget frå departementet om å videreføre dagens regler med enkelte endringer. Høyringsinstansane er i hovudsak samde i at reglane i dagens kapittel 9 A i stor grad bør førast vidare. Ei rekje høyringsinstansar har likevel innspel til departementets forslag til justeringar. Innspela blir diskuterte nedanfor under dei ulike tema-punkta.

Departementet foreslår å flytte nokre av reglane i dagens kapittel 9 A til andre kapittel i lova. Desse reglane blir behandla andre steder i proposisjonen. Departementet behandler reglane om elevdeltaking og retten elevane har til å uttale seg, i punkt 21. Reglane om ordensreglar, bortvisting og pålagt skolebytte blir omtalte i punkt 34.

Reglane om reaksjonar overfor kommunane, fylkeskommunane og tilsette i skolen (dagens §§ 9 A-13 til 9 A-15 om tvangsmulkt, straffansvar og erstatningsansvar og bevisbyrde) blir behandla i punkt 61.

Departementet foreslår å samle dagens reglar om informasjonsplikt (mellom anna § 9 A-9) til éin paragraf (lovforslaget § 10-8). Dette temaet blir behandla i punkt 19.

### **33.2 Verkeområdet for reglane om skolemiljø**

#### **33.2.1 Dagens reglar**

Opplæringslova kapittel 9 A gjeld for elevar i grunnskolen og i den vidaregåande skolen, sjå § 9 A-1. Med unntak av paragrafane om ordensreglement og bortvising gjeld reglane også for elevar som deltek i leksehjelp i regi av skolen eller skolefritidsordninga. Reglane gjeld ikkje for opplæring spesielt organisert for vaksne eller for opplæring i bedrift. Ved opplæring i bedrift skal det inngåast ein arbeidsavtale i tillegg til lærekontrakt, og reglane i arbeidsmiljølova vil derfor gjelde.

#### **33.2.2 Høyringsforslaget**

I høyringa foreslo departementet å vidareføre verkeområdet for kapittelet om skolemiljøet til elevane i opplæringslova.

Med dette høyringsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 36.

#### **33.2.3 Høyringsinstansanes syn**

Departementet har foreslått å vidareføre verkeområdet for kapittelet om skolemiljø. Det er 15 høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget. Av desse støttar elleve høyringsinstansar forslaget, og om lag tre høyringsinstansar støttar det delvis. Blant høyringsinstansane som støttar forslaget, er *Oslo kommune, Redd Barna* og *Utdanningsforbundet*.

Fleire høyningsinstansar understrekar betydninga det digitale miljøet har for skolemiljøet til elevane. *Barneombodet* påpeikar at reglane gjeld i digitale miljø om dette har samanheng med korleis eleven har det på skolen. Inntrykket *Barneombodet* har, er at skolane har behov for meir rettleiing om det digitale skolemiljøet til elevane og kunnskap om kva tiltak som bør setjast inn for elevar som blir utsette for digital mobbing. Også KS rettar søkjelyset mot det digitale skolemiljøet og kommenterer at digitaliseringa vedkjem både det psykososiale og det fysiske miljøet. *Viken fylkeskommune* meiner at det digitale aspektet bør presiserast i verkeområdet for kapittelet, ettersom mange barn og unge kommuniserer på digitale arenaer som kan påverka skolemiljøet.

*Foreldreutvalet for grunnopplæringa* ønskjer at skolevegen blir inkludert i verkeområdet.

### 33.2.4 Departementets vurdering

Departementet foreslår å vidareføre dagens regel om verkeområdet for reglane om skolemiljøet til elevane.

Reglane om skolemiljøet til elevane gjeld i skoletida når elevane oppheld seg i skolebygningane, på uteområdet til skolen eller andre stader der opplæringa skjer. Reglane gjeld følgjeleg også for skoleturar og andre aktivitetar i regi av skolen utanfor skoleområdet. Reglane gjeld også for skolefritidsordninga og i leksehjelpeordninga.

Sjølv om reglane gjeld for skolen, kan forhold utanfor skolen også få noko å seie. Plikta til å setje inn tiltak gjeld uavhengig av kva som er årsaka til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skolen. Hendingar i det digitale miljøet og på skolevegen er døme på forhold som kan utløyse ei plikt for kommunen eller fylkeskommunen til å setje inn tiltak.

### 33.2.5 Departementets forslag

Departementet foreslår å vidareføre verkeområdet for kapittelet om skolemiljøet til elevane i opplæringslova, sjå forslaget til § 12-1.

## 33.3 Retten til eit trygt og godt skolemiljø

### 33.3.1 Dagens reglar

Det følgjer av § 9 A-2 at alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Uttrykket skolemiljø femnar både det fysiske og psykososiale miljøet og omfattar korleis

elevane opplever å ha det medan dei er på skolen. Kravet inneber at skolemiljøet skal ha ein positiv verknad for elevane og gi den enkelte eleven gode moglegheiter for helse, trivsel og læring.

### 33.3.2 Høyningsforslaget

Departementet foreslo å lovfeste at alle elevar har rett til eit skolemiljø som fremjar inkludering, i tillegg til helse, trivsel og læring.

Med dette høyningsforslaget følgde departementet i hovudsak opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 36. Nytt samanlikna med forslaget frå utvalet er at skolemiljøet også skal fremje inkludering.

### 33.3.3 Høyningsinstansanes syn

28 høyningsinstansar har uttalt seg om høyningsforslaget. Alle høyningsinstansar støttar forslaget om at alle elevar har rett til eit skolemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring.

Enkelte høyningsinstansar ønskjer å lovfeste ytterlegare formål som skolemiljøet skal fremja. *Foreldreutvalet for grunnopplæringa* ønskjer at eit trygt og godt klassemiljø blir nemnt spesifikt i lova. *Foreldrenettverk mot mobbing* støttar tilføytinga av inkludering, men ønskjer også at fleire kriterium blir nemnde utan å vise til nokon konkrete forslag. Organisasjonen meiner at alle delar av skoleverksembla må vere omfatta av retten til eit trygt og godt skolemiljø. *Lærerprofesjonens etiske råd* meiner retten elevar har til leik, og betydninga leiken har for trivselen, utviklinga og læringa hos barn, bør ha ein tydelegare posisjon enn det som er foreslått i forslaget til ny opplæringslov. Rådet foreslår at leik blir nemnd som eit formål i paragrafen. Rådet foreslår også at leik blir nemnd i andre paragrafar i lovforslaget.

### 33.3.4 Departementets vurdering

#### Rett til eit trygt og godt skolemiljø

Departementet foreslår å vidareføre retten elevane har til eit trygt og godt skolemiljø.

Departementet foreslår å vidareføre krava om at skolemiljøet skal fremje helse, trivsel og læring. Departementet meiner at krava bidreg til å konkretisere kva som ligg i retten til eit trygt godt psykososialt skolemiljø. Lovteksten gjer det klart at det fysiske eller psykososiale skolemiljøet ikkje skal forårsake eller forsterke helseplager eller mistrivsel eller øydeleggje, hindre eller forstyrre læringa til elevane.

*Lovfeste at skolemiljøet skal fremje inkludering i tillegg til helse, trivsel og læring*

Departementet foreslår, til liks med i høyringa, å lovfeste at skolemiljøet i tillegg til helse, trivsel og læring skal fremja inkludering. Høyningsinstansane peikar på at opplevinga elevane har av fellesskap, er viktig for skolemiljøet. Departementet er samd i dette. Dette inneber at skolen skal arbeide for at alle elevar opplever å høre til og vere del av eit fellesskap. Departementet meiner at ei tilføyning av at skolen skal fremje inkludering, saman med helse, trivsel og læring, vil gi ei dekkjande beskriving av kva som skal til for at eit skolemiljø skal vere trygt og godt.

*Om klassemiljø*

Når det gjeld forslaget til *Foreldreutvalet for grunnopplæringa*, som ønskjer at lova også omtaler eit trygt og godt klassemiljø, meiner departementet at dette er overflødig. Slik departementet ser det, er det ikkje tvilsamt at eit godt klassemiljø utgjer ein sentral del av skolemiljøet til elevane, som er omgrepene som blir i dag brukt. Det er ikkje tvilsamt at klassemiljøet har mykje å seie for tryggleiken og trivselen til elevane, jf. også forslaget til § 14-2 om inndeling i klassar og grupper og omtalen av desse reglane i punkt 14.5.3.

*Om leik*

Departementet har vurdert innspelet til *Lærerprofessionens etiske råd* om å ta inn i lovteksten at skolemiljøet også skal fremje leik.

Betydninga av leik er understreka i andre lover og reguleringar og i konvensjonar som Noreg er forplikta av. Samanhengen med anna regelverk kan tale for å ta inn leik i lovforlaget som eit formål som skolemiljøet skal fremje. I barnekonvensjonen blir «barnets rett til hvile og fritid og til å delta i leik og fritidsaktiviteter som passer for barnets alder» anerkjend, jf. barnekonvensjonen artikkel 31. Det følgjer av barnehagelova § 2 at barnehagen skal gi barn moglegheiter for mellom anna leik, og i § 41 anna ledd er det fastslått at «[b]arnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna». Å ta inn leik som formål kan også gjere tydeleg kor viktig leik er for utviklinga til barna.

Departementet meiner likevel at det er grunn til å vere varsam med å utvide lista over kva skole-

miljøet skal fremje. Etter synet til departementet er det ikkje tvilsamt at leik utgjer ein viktig del av særleg skolemiljøet til dei yngste elevane, og at dette følgjer av ei naturleg forståing av omgrepet skolemiljø, og departementet meiner det derfor ikkje er nødvendig å lovfeste at skolemiljøet også skal fremje leik.

Reglane om skolemiljø gjeld dessutan for både barneskolar, ungdomsskolar og vidaregåande skolar. Reglane bør formast ut slik at dei passar godt for alle trinn. Eit formål om at skolemiljøet skal fremje leik, passar ikkje like godt på alle trinn. Slik departementet ser det, er det ikkje naturleg at skolemiljøet skal fremje leik for dei eldste elevane. Vidare er betydninga av leiken gjort tydeleg og varetaken i læreplanverket. I overordna del av læreplanverket står det at «[f]or de yngste barna i skolen er lek nødvendig for trivsel og utvikling, men også i opplæringen som helhet gir lek muligheter til kreativ og meningsfylt læring», jf. punkt 1.4 om skaparglede, engasjement og utforskarkrøng. Leik er også omtalt i fleire av læreplanane for fag. Slik departementet ser det, er det ikkje tvilsamt at leik utgjer ein viktig del av særleg skolemiljøet til dei yngste elevane, og at dette følgjer av ei naturleg forståing av omgrepet skolemiljø.

### **33.3.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår å lovfeste at skolemiljøet skal fremje inkludering, i tillegg til helse, trivsel og læring, sjá forslaget til § 12-2.

## **33.4 Skolen skal ikkje godta krenkjande oppførsel (nulltoleranse mot krenkingar)**

### **33.4.1 Dagens reglar**

Det følgjer av § 9 A-3 første ledd at skolen skal ha nulltoleranse mot krenkingar. Mobbing, vald, diskriminering og trakassering er nemnde som døme på krenkingar i lovteksten.

### **33.4.2 Høyningsforslaget**

Departementet foreslo å vidareføre regelen om nulltoleranse mot krenkingar med endra ordlyd.

Med dette høyningsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 36.

### 33.4.3 Høyringsinstansanes syn

#### Generell støtte til vidareføring

Alle dei 25 høyringsinstansane som har uttalt seg om dette, støttar forslaget heilt (12 høyringsinstansar) eller delvis (13 høyringsinstansar).

#### Ønske om at omgrep blir klargjorde

*Utdanningsforbundet* er blant høyringsinstansane som ønskjer å vidareføre regelen. Samtidig ønskjer *Utdanningsforbundet* at krenkingssomgrepet blir klargjort i lovproplosjonen fordi skiljet mellom kva som er ei krenking og kva som er grensesetting overfor ein elev, etter synet til forbundet kan vere utfordrande, og at mange lærarar kjenner seg usikre på grensedraginga. Også *Barneombodet* støttar forslaget. *Barneombodet* viser mellom anna til at regelen om nulltoleranse mot krenkingar er eit viktig signal i arbeidet skolen gjer mot krenkingar, og at regelen er viktig for å motverke bagatellisering. *Barneombodet* presiserer likevel at det er viktig med god rettleiing og føringar frå styresmaktene om korleis ein skal forstå krenkingssomgrepet i samanheng med nulltoleransekravet.

*Foreldrenettverk mot mobbing* ønskjer ei nærautdyping av kva nulltoleranse inneber, og dessutan kva handlingar som følgjer av at skolen skal ha denne haldninga.

*Norsk lektorlag* meiner at lovtaksten burde gi ei langt betre rettleiing om kva ei krenking er, og tek til orde for å presisere nokon klart definerte typetilfelle. Lektorlaget opplyser å ha erfaring frå bistandssaker der det at eleven opplever ein lærar som «sur» eller «streg», har vorte definert som ei krenking som lærarar har fått munnleg og skriftleg tilrettevising for, utan at læraren har fått ei konkret tilbakemelding på kva for nokre konkrete utsegner eller handlingar det var som gjorde at eleven oppfatta læraren som streng, fordi skolen la vekt på den subjektive opplevinga til eleven av at læraren var sur eller streng.

#### Ønske om fleire døme på krenkingar i lovtaksten

Enkelte høyringsinstansar ønskjer å utvide lista over døme på krenkingar i lovtaksten. *Statsforvaltaren i Agder* tek til orde for å utvide lista over døme slik at ho omfattar «utestenging» og «rasisme». *Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark* ønskjer at «ekskludering» blir innlemma som eit døme. *Likestillings- og diskrimineringsombodet* meiner meir generelt at det bør synleggjera i den nye opplæringslova at elevar i grunnskolen

og den vidaregåande opplæringa har eit vern mot seksuell trakassering.

### 33.4.4 Departementets vurdering

#### Nulltoleranse mot krenkingar

Departementet foreslår å vidareføre regelen om at skolen skal ha nulltoleranse mot krenkingar, men foreslår som utvalet å endre ordlyden slik at skolen ikkje skal godta krenkjande oppførsel, sjá lovforslaget § 12-3 første ledd. Departementet foreslår til liks med opplæringslovutvalet å behalde uttrykket nulltoleranse i overskrifta fordi uttrykket er innarbeidd i opplæringssektoren og er eigna til å gi ei overordna beskriving av kva paragrafen handlar om. Departementet viser også til at omgrepene har ein viktig signaleffekt.

Slik departementet ser det, understrekar regelen kor viktig det er med tydelege haldningar frå skolen si side, og regelen er saman med det førebyggjande arbeidet viktig for å sikre eit trygt og godt skolemiljø for elevane.

#### Skolen som pliktsubjekt

Departementet foreslår å vidareføre at skolen er pliktsubjekt i paragrafen. Skolen er ikkje eit eige rettssubjekt, og han kan dermed ikkje ha mynde eller rettsleg ansvar. Skolen kan etter vurderinga til departementet likevel brukast som subjekt i lova for oppgåver som naturleg skjer på skolenivå, sjá nærautdypinga i punkt 4.5.6 om kven som blir pålagd plikter etter lova. Her er skolen brukt som subjekt fordi det etter vurderinga til departementet ikkje er naturleg å skrive kommunen og fylkeskommunen fordi arbeidet med skolemiljø skjer på skolenivå. Det er like fullt kommunen og fylkeskommunen som er ansvarlege, jf. forslaget til §§ 28-1 og 28-2.

#### Kva krenkingssomgrepet inneber

Fleire instansar har etterlyst ei klargjering av krenkingssomgrepet. Slik departementet ser det, må omgrepene krenkingar tolka vidt, jf. dei opphavlege forarbeida i Prop. 57 L (2016–2017), s. 75:

Begrepet krenkelser skal tolkes vidt. Begrepet kan omfatte direkte handlinger og verbale uttrykk rettet mot eleven, men også mer indirekte krenkelser som utestenging, isolering og baksnakking. Det er likevel ikke slik at enhver kritisk ytring eller uenighet mellom elevene er ment å omfattes. Det er en del av skolens sam-

funnsmandat å lære elever å tenke kritisk og til å kunne akseptere og respektere ulike meninger og overbevisninger.

Likevel vil ikkje alle kritiske ytringar eller usemje mellom elevane – eller usemje mellom ein elev og ein lærar – vere ei krenking etter regelen. Det har vore ein del misforståingar og ulik praksis knytt til dette.

Krenkingsomgrepet i skolemiljøreglane er objektivt i den forstand at det avgjerast etter ei heilskapleg vurdering om noko er ei krenking, og ikkje berre opplevinga til den enkelte eleven. Det er ikkje slik at skolen ikkje skal godta alle handlingar eller ytringar som den enkelte eleven opplever som krenkande. Plikta til ikkje å godta krenkande oppførsel omfattar berre handlingar og ytringar som etter ein objektiv standard oppfyller krenkingsomgrepet.

Departementet foreslår at lovteksten, som i dag, skal innehalde ei liste med døme på kva som er krenkande oppførsel. Mobbing, vald, diskriminering og trakkassering er tekne inn som døme på krenkande oppførsel som elevar kan utsetjast for, og som skolen ikkje skal godta. Det er ikkje ei uttømmande oppramsing, men døme for å klargjere kva som kan vere krenkande oppførsel. Regelen omfattar rasisme, utestenging, ekskludering og seksuell trakkassering.

Opplæringslovutvalet uttalte at elevar kan bli irettesette av lærarar eller oppleve usemje med lærarar eller andre elevar utan at dette vil vere ei krenking, jf. NOU 2019: 23, s. 451. Utvalet meinte at oppramsinga av enkelte typar krenkingar, som mobbing og vald, er eigna til å vise ein viss terskel sjølv om oppramsinga ikkje er uttømmande. Departementet er samd i dette.

Ein del høringsinstansar har etterlyst ei utviding av lista over døme på krenkingar i lovteksten. Departementet meiner at jo lengre lista over døme på krenkingar blir, jo meir vil lista verke uttømmande. Dette vil etter synet til departementet vere uheldig, då regelen bør ta høgd for at det kan finnast krenkande oppførsel som lista i lovteksten ikkje fangar opp.

Departementet har forståing for ønsket om å leggje til rasisme som eit døme på krenking. Å bli utsett for rasisme er noko som openbert skal reknast som ei krenking. Rasisme er ei form for diskriminering og blir derfor omfatta av krenkingsomgrepet. Tilsvarande gjeld for seksuell trakkassering. Seksuell trakkassering er noko som openbert må reknast som ei krenking, og er også ein bestemt type trakkassering. Trakkassering er allereie nemnd som eit døme på ei krenking i lov-

teksten. Departementet foreslår derfor ikkje å inkludere desse omgrepene i lista. Utover dette viser departementet til at skolen også må jobbe for å motarbeide rasisme og fordommar blant elevane på eit meir systematisk plan, som ein del av det førebyggjande arbeidet til skolen, sjå merknaden til forslaget til § 12-3.

Departementet har også vurdert om utestenging eller ekskludering bør inkluderast i lista. Som tidlegare nemnt er det klart at utestenging eller ekskludering kan utgjere ei krenking etter lova. Utestenging kan vere ei form for mobbing. Mobbing blir foreslått nemnt i lovteksten som eit døme på ei krenking. Som det kjem fram av punkt 33.3.4 ovanfor, foreslår departementet å leggje til inkludering som eit av dei måla som eit trygt og godt skolemiljø skal fremje, sjå § 12-2 i lovforslaget. Dette inneber at skolen skal arbeide for at alle elevar opplever å høre til og vere del av eit fellesskap. Når inkludering blir nemnd som eit mål som skolemiljøet skal fremje, kan det tale for at motsatsen til inkludering, altså utestenging eller ekskludering, bør komme fram av lista over døme på krenkingar. Departementet meiner likevel at lista med døme på krenkingar ikkje bør utvidast. Departementet viser til at tilføyninga vil føre til at lista over døme i større grad verkar uttømmende.

Departementet understrekar at rasisme, utestenging og ekskludering vil innebere krenkingar sjølv om forholda ikkje blir nemnde i lovteksten.

### **33.4.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår å vidareføre regelen om nulltoleranse mot krenkingar, sjå forslaget til § 12-3 første ledd.

## **33.5 Plikta til førebyggjande arbeid**

### **33.5.1 Dagens reglar**

I § 9 A-3 andre ledd er det fastsett at skolen skal førebyggje brot på retten til eit trygt og godt skolemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremje helsa, trivselen og læringa til elevane.

Ei plikt til å førebyggje trakkassering og seksuell trakkassering følgjer også av likestillings- og diskrimineringslova § 13 sjette ledd. Krenkingsomgrepet i opplæringslova er likevel ikkje avgrensa til trakkassering og seksuell trakkassering.

Det følgjer av likestillings- og diskrimineringslova § 24 at offentlege styresmakter har plikt til å mellom anna å førebyggje seksuell trakkassering som ein del av aktivitets- og utgreiingsplikta si som offentleg styresmakt.

### 33.5.2 Høyringsforslaget

I høyringa foreslo departementet å vidareføre plikta skolen hadde til å jobbe førebyggjande ved «jamt og trutt» på arbeide for at alle elevane skal ha eit trygt og godt skolemiljø.

Med dette høyringsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 36, med ein forenkla ordlyd.

### 33.5.3 Høyringsinstansanes syn

I underkant av 40 høyringsinstansar uttaler seg om forslaget. Av desse støttar om lag halvparten forslaget heilt, og den andre halvparten støttar forslaget delvis. Enkelte høyringsinstansar har innspel til ordlyden i den foreslalte regelen.

*Barneombodet* meiner at det er viktig at skolane har plikt til å jobbe førebyggjande, men er usikker på om formuleringa i lovforslaget § 12-3 andre ledd er klar nok på dette. *Barneombodet* meiner at det med den foreslalte ordlyden krevst mykje kunnskap om regelverket for å forstå at regelen dreier seg om førebygging. Barneombodet foreslår at ordet «førebygging» blir føydd til lovteksten.

Fleire høyringsinstansar har teke til orde for å byte ut den foreslalte ordlyden om at skolen skal jobbe «jamt og trutt» med «systematisk», «kontinuerleg», «jamleg og systematisk» eller liknande. *Høgskolen i Volda* meiner at «jamt og trutt» er upresist og ikkje bør nyttast i ein lovtekst. Høgskolen meiner at ordvalet ikkje gir eit tydeleg signal om behovet for systematisk arbeid med skolemiljøet, og at ordlyden kan opne for eit meir tilfeldig arbeid frå skolen si side. *Forandringsfabrikken* har den same oppfatninga og foreslår at ordlyden blir erstatta med «systematisk».

*Redd Barna* foreslår å leggje til setninga «Rektor har ansvaret for at dette blir gjort» i § 12-3 andre ledd. *Redd Barna* erfarer at dei skolane der skoleleiinga tek ei aktiv leiarrolle i det systematiske arbeidet for å skape eit trygt skolemiljø og førebyggje mobbing, har eit mykje betre skolemiljø for elevane og betre arbeidsmiljø for lærarane. Også *Vestfold og Telemark fylkeskommune* meiner at det bør gjerast tydeleg at rektor har ansvaret for oppfylling av plikta.

### 33.5.4 Departementets vurdering

Departementet foreslår å vidareføre ein regel om førebyggjande arbeid i den nye opplæringslova.

Departementet har vurdert dei ulike høyringsinnspeleta om å presisere regelen om førebyggjande arbeid. Slik lovforslaget er utforma i høyringa, er nemninga «førebyggjande arbeid» berre brukt i overskrifta til paragrafen. Dette er til forskjell frå forslaget frå opplæringslovutvalet, som lydde:

Skolen skal førebygge brot på retten til eit trygt og godt skolemiljø ved å arbeida kontinuerleg for å fremje helsa, trivselen og læringa til elevane.

Departementet meiner at formuleringa i lovforslaget i høyringa inneber ei språkleg forenkling til det betre, og at forslaget frå utvalet ikkje tilfører regelen noko når det gjeld innhald. Av pedagogiske årsaker foreslår departementet at omgrepene førebygging blir brukt i overskrifta til paragrafen.

Departementet er samd i at den foreslalte ordlyden om at skolen skal arbeide «jamt og trutt» kan verke noko upresis. Departementet foreslår derfor å bytte ut «jamt og trutt» med «kontinuerleg», det vil seie ei vidareføring av dagens omgripsbruk.

Departementet meiner at det ikkje er nødvendig å lovfeste at skolen skal jobbe «systematisk» med skolemiljøet i tillegg til «kontinuerleg». Slik departementet ser det, vil det innebere ei dobbeltregulering med kommunelova § 25-1, som fastslår at kommunane skal ha internkontroll som skal vere systematisk.

Departementet foreslår at å vidareføre at skolen er subjekt i paragrafen. Skolen er ikkje eit eige rettssubjekt, og han kan dermed ikkje ha mynde eller rettsleg ansvar. Skolen kan etter vurderinga til departementet likevel brukast som subjekt i lova for oppgåver som naturleg skjer på skolenivå, sjå nærmare punkt 4.5.6 om kven som blir pålagd plikter etter lova. Her er skolen brukt som subjekt fordi det etter vurderinga til departementet ikkje er naturleg å skrive kommunen og fylkeskommunen, då det førebyggjande arbeidet skjer naturleg på skolenivå. Det er like fullt kommunen og fylkeskommunen som er ansvarlege for at det førebyggjande arbeidet blir utført, sjå forslaget til §§ 28-1 og 28-2.

Departementet meiner at rektor ikkje bør påleggjast eit personleg ansvar for å overhalde plikta til førebyggjande arbeid, og viser til drøf-

tinga om dette frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, s. 452:

I dagens § 9 A-3 andre avsnitt står det at rektor er ansvarlig for det forebyggende arbeidet. Utvalget mener kommunen bør være ansvarlig, og at rektor ikke bør ha et personlig ansvar etter loven.

Departementet viser i denne samanhengen til at statlige myndigheter etter dagens regelverk ikke kan gi pålegg direkte til rektor. Statlige myndigheter kan derimot gi pålegg om retting til kommunen.

Kommunen har, som ansvarlig for flere skoler, en mulighet til å overføre positive erfaringer fra én skole til en annen. Samtidig er det klart at det forebyggende arbeidet må skje på den enkelte skole ut fra lokale behov og forutsetninger. Rektor vil, som daglig leder av skolen, ha en framtredende rolle i dette arbeidet. Rektor står ansvarlig overfor kommunen som arbeidsgiver, og har også et profesjonelt ansvar. Men det er kommunen som har det juridiske, økonomiske og administrative ansvaret overfor elevene.

Utvalget foreslår derfor at bestemmelsen om rektors ansvar for det forebyggende arbeidet ikke videreføres i ny opplæringslov.

### 33.5.5 Departementets forslag

Departementet foreslår å vidareføre plikta skolen har til å arbeide førebyggjande ved kontinuerleg å arbeide for at alle elevane skal ha eit trygt og godt skolemiljø, sjå forslaget til § 12-3 andre ledd.

## 33.6 Plikt til å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø (aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt)

### 33.6.1 Dagens reglar

Plikta til å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø, ofte omtalt som aktivitetsplikta, er i dag regulert i § 9 A-4. Aktivitetsplikta blir delt opp i fem delplikter:

- Plikt til å følgje med: Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, sjå første ledd.
- Plikt til å gripe inn: Alle som arbeider på skolen, har plikt til å gripe inn mot krenkingar der som det er mogleg, sjå første ledd.

- Plikt til å varsle: Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. I alvorlege tilfelle skal rektor varsle skoleeigar, sjå andre ledd.
- Plikt til å undersøke: Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skolen snarast undersøke saka, sjå tredje ledd.
- Plikt til å setje inn tiltak: Dersom ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt eller undersøkingar viser det same, har skolen plikt til å sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø så langt det finst eigna tiltak, jf. fjerde ledd. Skolen skal i den samanhengen utarbeide ein skriftleg tiltaksplan, sjå sjette ledd.

Skolen skal også sørge for at involverte elevar blir høyrde, og leggje vekt på det beste for elevane i arbeidet, sjå femte ledd.

I forlenging av aktivitetsplikta har skolen ei dokumentasjonsplikt. Skolen må dokumentere arbeidet skolen gjer for å oppfylle aktivitetsplikta, sjå sjuande ledd.

En plikt til å søke å hindre trakkassering og seksuell trakkassering følgjer av likestillings- og diskrimineringslova § 13 sjette ledd. Krenkelsesbegrepet i opplæringslova er imidlertid ikkje begrensa til trakkassering og seksuell trakkassering.

### 33.6.2 Høyringsforslaget

Departementet foreslo å vidareføre aktivitetsplikta og dokumentasjonsplikta. Departementet foreslo å presisere

- at skolen skal undersøke saka før det blir sett inn tiltak, også når ein elev sjølv har sagt frå om at hen ikkje har det trygt og godt
- at val av tiltak skal byggje på ei konkret og fagleg vurdering
- at skolane skal dokumentere i den forma og det omfanget som er nødvendig

Departementet foreslo å ikkje vidareføre

- eigne reglar om høyring av eleven og det beste for eleven i samband med aktivitetsplikta etter som departementet foreslo generelle reglar om dette

Med dette høyringsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 36.

### 33.6.3 Høyringsinstansanes syn

#### Generell støtte

Høyringsinstansane støttar heilt eller delvis forslaget om i hovudsak å vidareføre regelen om plikta skolen har til å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø.

#### Konkret og fagleg vurdering

Alle dei 16 høyringsinstansane som uttaler seg om forslaget om å presisere i lovteksten at plikta til å setje inn tiltak skal veljast på grunnlag av ei konkret og fagleg vurdering, støttar dette. *Barneombodet* trekkjer fram at sjølv om det blir stilt krav til ein konkret og fagleg vurdering også i dag, bør det av pedagogiske grunnar komme fram eksplisitt av lova. *Utdanningsforbundet* trur at forslaget kan bidra til å klargjere at ei plikt til å setje inn tiltak ikkje betyr at opplevinga til eleven automatisk blir lagd til grunn som ei fullstendig beskriving av situasjonen. Vurdering av kva tiltak som bør setjast inn, må etter synet til *Utdanningsforbundet* komme an på ei undersøking av saka, der opplevinga til eleven står sentralt, men der også alle andre involverte blir høyrde.

#### Når eleven seier ifrå

Departementet har også fått innspel til forslaget om å presisere i lovteksten at plikta til å innföra tiltak også inkluderer ei plikt til å setje i gang undersøkingar når ein elev seier frå om han eller ho ikkje har det bra. Av dei 15 høyringsinstansane som uttaler seg om forslaget, støttar 14 forslaget heilt eller delvis. Blant høyringsinstansane som støttar forslaget, er *Barneombodet*, *Statsforvaltaren i Innlandet*, *Statsforvaltaren i Rogaland*, ei rekke kommunar og *Foreldrenettverk mot mobbing*. *Statsforvaltaren i Innlandet* trekkjer fram at det er ei god presisering for å unngå misforståingar.

*Utdanningsforbundet* støttar også forslaget, men forbundet meiner at det må presiserast i lovteksten at undersøkingsplikta også inneber at alle som har fått skuldingar retta mot seg, skal få presentert innhalDET i klagA og få moglegheita til å fortelje kva som har skjedd. Dette gjeld også i saker der ein tilsett er skulda for å krenkle ein elev. *Utdanningsforbundet* meiner at ei slik presisering kan bidra til å vareta rettstryggleiken og moglegheita til kontradiksjon for dei tilsette på skolen, så vel som retten elevane har til eit trygt og godt psykososialt skolemiljø.

*Utdanningsdirektoratet* meiner det er unødvendig å presisere at plikta til å innföra tiltak også

inkluderer ei plikt til å setje i gang undersøkingar når ein elev seier frå om at han eller ho ikkje har det bra. Å gjenta undersøkingsplikta kan stå fram som ei dobbeltregulering. *Utdanningsdirektoratet* meiner at dagens lovstruktur gir betre og klarare oversikt. *Utdanningsdirektoratet* viser til at det er separate ledd for plikta til å melde frå til rektor ved mistanke om eller kjennskap til at elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø (plikta til å melde frå), plikta til å undersøkje når ein elev seier at ho eller han ikkje har det bra (undersøkingsplikta), og plikta til å rette opp i situasjonen med eigna tiltak (tiltaksplikta).

#### Høyring av eleven og det beste for eleven

12 høyringsinstansar har uttalt seg om forslaget om ikkje å vidareføre eigne reglar om høyring av eleven og det beste for eleven i samband med aktivitetsplikta, ettersom departementet foreslår generelle reglar om dette i §§ 10-1 og 10-2 i lovforslaget. Av desse høyringsinstansane støttar 8 forslaget heilt eller delvis, mellom anna *Barneombodet*, fleire kommunar og *Skolelederforbundet*. *Statsforvaltaren i Agder*, *Statsforvaltaren i Troms og Finnmark*, *Forandringsfabrikken* og *Redd Barna* støttar ikkje forslaget. *Redd Barna* viser til at i utrygge klassemiljø, der mange elevar opplever krenkingar og mobbing, erfarer mange elevar at dei ikkje blir høyrde.

#### Dokumentasjonsplikta

Av dei 16 høyringsinstansane som uttaler seg om å vidareføre reglane om dokumentasjonsplikt, støttar alle forslaget heilt eller delvis.

Dei aller fleste høyringsinstansane er positive til den foreslalte presiseringa om dokumentasjonsplikt, under dette dei kommunane som har uttalt seg om forslaget. *Oslo kommune* meiner det er positivt at dokumentasjonsplikta blir gjort tydeleg og blir avgrensa til den forma og det omfanget som er nødvendig. Andre høyringsinstansar støttar forslaget, men understrekar at det framleis er behov for rettleiing. *Statsforvaltaren i Agder* meiner at dokumentasjonsplikta bør eksemplifiserast i forarbeida. *Barneombodet* støttar forslaget, men understrekar at presiseringa framleis krev mykje skjønn. *Barneombodet* peikar på at skolen framleis må vurdere kva som er «nødvendig», og at det er behov for god rettleiing om kva som er godt nok, og kva moment som er relevante i vurderinga.

*Utdanningsforbundet* støttar også den foreslalte presiseringa. KS har ikkje kommentert særskilt på forslaget, men har uttalt meir generelt at

erfaringar frå felles nasjonalt tilsyn med kapittel 9 A i opplæringslova viser at pliktreglane utløyser mykje dokumentasjonsarbeid. KS påpeikar ut frå eit internkontrollperspektiv at det er viktig å vurdere kva krav til dokumentasjon og rapportering ei lovregulering vil innebere.

*Statsforvaltaren i Oslo og Viken* har forståing for at ordlyden i dagens § 9 A-4 sjunde ledd kan gi inntrykk av at alt skal dokumenterast, og at det kan vere behov for å nyansere dette. Statsforvaltaren er likevel usikker på om den foreslår språklege endringa medfører ei tydeleggjering:

For at statsforvalteren skal kunne vurdere om skolen har gjort det som med rimelighet kan forventes av den er det avgjørende at skolen redegjør for og dokumenterer hvordan den har oppfylt aktivitetsplikten. Vår saksbehandling er i stor grad basert på skolens redegjørelse og dokumentasjon i saken. Det er derfor viktig at dokumentasjonen har en form som gjør at den raskt kan hentes ut. Dersom det gis for stort handlingsrom knyttet til hva som skal dokumenteres, vil ikke dette bidra til å tydeliggjøre hva som skal til for å oppfylle dokumentasjonskravet. I tillegg vil det kunne føre til ulike tolkninger blant skolene. Vi har forståelse for at ordlyden i dagens oppll. § 9 A-4 syvende ledd kan gi inntrykk av at alt skal dokumenteres og at det derfor kan være behov for å nyansere dette. Det er likevel uklart for oss om den språklige endringen i ordlyden som er foreslått bidrar til å tydeliggjøre dette.

To høringsinstansar støttar ikkje forslaget. *Foreldreutvalet for grunnopplæringa* meiner at formuleringa av omfanget av dokumentasjonsplikta er for vag sett frå eit foreldreperspektiv. Foreldreutvalet ønskjer at dokumentasjonen skal ha ei slik form og eit slikt omfang at eleven og foreldra sjølv kan sjå korleis saka er belyst, og vidare følgje med på kva tiltak skolen set i verk, og korleis dei blir følgde opp. *Viken fylkeskommune* er også skeptisk til den foreslår presiseringa av dokumentasjonsplikta og foreslår at ho ikkje blir teken inn. Fylkeskommunen fryktar at ein regel om at dokumentasjon berre skal lagrast «i den forma og omfang som er nødvendig» kan føre til at viktig informasjon ikkje blir lagra.

### 33.6.4 Departementets vurdering

#### 33.6.4.1 Aktivitetsplikta

Generelt

Departementet foreslår å vidareføre dagens reglar om aktivitetsplikta med enkelte presiseringar, sjå forslaget til § 12-4. Dagens reglar vart vedtekne etter revisjonen av kapittel 9 A og tok til å gjelde 1. august 2017. I tida etter iversetjinga er det gjort eit stort implementeringsarbeid i sektoren. Etter synet til departementet bør det vere ein høg terskel for å gjere større endringar i desse reglane. Deloittes evaluering av kapittel 9 A på oppdrag fra Utdanningsdirektoratet frå juni 2019 viser at talet på elevsaker som blir følgde opp systematisk, har auka i etterkant av innføringa av aktivitetsplikta. Evalueringa viser i all hovudsak at skolane tek raske tak i situasjonar med mistanke om at elevar ikkje har det trygt og godt på skolen, og i mindre grad ser an om situasjonane går over av seg sjølv.

Forslaget inneber at aktivitetsplikta og dei fem delpliktene i denne om å følgje med, gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak, blir vidareførte. Dette inneber at tidlegare forarbeid framleis vil vere relevante for å forstå aktivitetsplikta, jf. Prop. 57 L (2016–2017) *Endringar i opplæringslova og friskolelova (skolemiljø)*.

Departementet har gjort enkelte justeringar i oppbygginga og ordlyden i lovforslaget § 12-4 i forhold til dagens regel i § 9A-4 og dessutan i høyringsforslaget til § 12-4. Mellom anna har departementet foreslått å slå saman høyringsforslagets § 12-4 andre og tredje ledd for å unngå gjentak av dei ulike delpliktene. Desse justeringane er ikkje meinte å innebere ei endring frå dagens rettstilstand.

Departementet vil vise til at det er viktig at retten til eit trygt og godt skolemiljø blir følgd av klare plikter for kommunen og dei som arbeider på skolane, for at retten til eit trygt og godt skolemiljø skal bli reell. Klare plikter er også føresett for at kommunen og fylkeskommunen sitt internkontroll- og førebyggjande arbeid i skolemiljøsaker blir så effektivt som mogleg. Dersom kommunen eller fylkeskommunen får tilbakemelding om at dei ikkje har oppfylt pliktene sine i ei konkret sak av statsforvaltaren, må kommunen og fylkeskommunen også sjå på praksisen sin i skolemiljøsaker meir generelt. For nærmare om handhivinga til statsforvaltaren av skolemiljøreglane, sjå punkt 33.8 nedanfor.

### Plikt til å følgje med

Den første av dei fem delpliktene i aktivitetsplikta er ei plikt for alle som arbeider på skolen, til å følgja med på korleis elevane har det på skolen, under dette korleis elevane har det saman med kvarandre. At dei som arbeider på skolen, følgjer med, er ein nødvendig aktivitet for at dei skal kunne få mistanke om og kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Slik mistanke eller kjennskap utløyser igjen andre delplikter. Å vidareføre ei delplikt til å følgje med sikrar at ein skole ikkje kan unnskylda seg med å vise til at skolen ikkje visste kva som gjekk føre seg, eller ikkje hadde mistanke om at ein elev ikkje hadde det trygt og godt på skolen. Jo betre og meir systematisk dei som arbeider på skolen, følgjer med og er årvakne for korleis elevane har det, dess meir sannsynleg er det at utfordringar i skolemiljøet eller vanskane til enkeltelevar blir oppdaga på eit tidleg tidspunkt. Frå forsking veit ein at tidleg innsats og intervasjon ofte er heilt sentralt for å hindre langvarige problem og redusert skadepotensial.

Dei tilsette i skolen har inga plikt til å følgje med på at elevane har det trygt og godt utanfor skoleområdet, til dømes på skolevegen, med mindre skolen har bestemt seg for å plassere tilsette langs skolevegen som eit skolemiljøtiltak. Sjá nedanfor under punktet om plikta til å setje inn tiltak for den nærmere vurderinga til departementet om dette.

### Plikt til å gripe inn

Den andre av dei fem delpliktene er ei plikt for alle som arbeider på skolen, til å gripe inn dersom ein elev blir utsett for krenkingar. Den typen handlingar det blir siktat til i samband med plikta til å gripe inn, er ikkje det same som handlingar knytte til å setje inn tiltak (sjá nedanfor). Handling gjennom inngrep skjer omgående og er retta mot å stoppe ein situasjon som går føre seg og er forholdsvis akutt. Ofte vil det handle om å omgåande stanse negativ oppførsel, til dømes ved å bryte opp ein slåstkamp eller stanse anna fysisk krenking, stanse ein utfrysingssituasjon eller stanse og irettesetje elevar som krenkjer andre elevar verbalt. Plikta avgrensar seg til inngrep som er moglege for den tilsette å gjennomføre, både av omsyn til elevane og seg sjølv. Grensa for å gripe inn er at den tilsette ikkje skal stå i fare for å skade seg sjølv eller krenkje elevar for å få stanse situasjonen. Nødrett og nødverje kan likevel unntaksvis gi grunnlag for å overskride også denne grensa ved

at i nødverje- og nødrettssituasjonar kan det vere tillate å gjere noko som elles er ulovleg.

### Plikt til å melde frå

Den tredje av dei fem delpliktene er ei plikt for alle som arbeider på skolen, til å melde frå til rektor ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Departementet foreslår å vidareføre plikta, men å erstatte dagens omgrep «varsle» med «melde». I reglane om barnehagemiljø i barnehagelova blir omgrepet å melde frå brukt i staden for å varsle, for å unngå forveksling med varslingsinstituttet etter arbeidsmiljølova. Departementet foreslår ei tilsvarende endring i kapittelet om skolemiljøet til elevane i forslaget til ny opplæringslov. Endringa er berre av språkleg karakterar og medfører inga endring i rettstilstanden. Departementet understrekar at plikta til å melde frå i skolemiljøsaker ikkje må forvekslast med meldeplikta ein har til barnevernet, sjá lovforslaget § 24-3 og barnevernslova § 13-2. Departementet foreslår å vidareføre at all mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal meldast til rektor. Det same gjeld dersom eleven sjølv fortel at skolemiljøet ikkje er trygt og godt. Gjennom ein slik regel blir grunnlaget lagt for at rektor får ei overordna og fullstendig oversikt over korleis elevane på skolen har det. Rektor vil dermed ha eit godt utgangspunkt for å følgje opp enkeltsaker og samtidig få viktig informasjon til det systematiske arbeidet til skolen med å sikre eit trygt og godt skolemiljø. Rektor kan gjennom delegering fastsetje at ein annan person på skolen skal ta imot meldingane. Rektor er i tilfelle likevel ansvarleg for at meldingane blir handterte på ein forsvarleg måte. Delegeringa må vareta formålet om å gi ei overordna og fullstendig oversikt og dessutan at informasjonen blir brukt både til oppfølging av enkeltsaker og inn i det systematiske arbeidet.

Departementet vil understreke at terskelen til den tilsette for kva som skaper «mistanke om» eller «kjennskap til» at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal vere låg. At ein elev verbalt seier frå at han eller ho ikkje opplever at det er trygt og godt på skolen, oppfyller kravet til at den tilsette har «kjennskap». Ein kan likevel ikkje forventa at elevane bruker ordlyden i lova eller omgrepa til vaksne. Det er ansvaret til skolen å fange opp at eleven seier frå om at skolemiljøet ikkje er trygt og godt. Mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt på skolen, kan basere seg på observasjonar av elevane, tilbakemelding i undersøkingar eller kartleggingar, beskjedar frå

foreldre eller medelevar, aktivitet i sosiale medium osv. som vekkjer ein mistanke. Dei tilsette må vere klar over at barn og unge viser utryggliken sin, frustrasjon, mistrivsel o.l. på ulike måtar og med ulike uttrykksformer. Både utettervend og innettervend, aggressiv eller passiv, grenselaus eller avvisande og isolerande vere-måte kan vere signal som tilseier at situasjonen til eleven skal undersøkjast nærmere. Det kan også vere endringar i det sosiale samspelet mellom elevane eller i klassemiljøet som gir mistanke om eller kjennskap til at skolemiljøet ikkje er trygt og godt.

Departementet ser det slik at det framleis ikkje er tenleg å regulere i lova kor raskt det skal meldast frå. All mistanke om og kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal meldast frå om, men tidspunktet for melding må mellom anna stå i forhold til alvoret i saka. Vurderinga av kor raskt meldinga til rektor skal skje, må gjerast frå sak til sak og mellom anna ta omsyn til formålet med regelen og at skolemiljøsaker er tidssensitive. Dette inneber på den eine sida at det vil vere nokre tilfelle der det er nødvendig å melde frå til rektor straks, medan det i andre tilfelle kan vere forsvarleg å venta noko lenger, til dømes til slutten av skoledagen eller til vekefaste oppsummeringar eller liknande. Departementet føreset at leiinga og dei tilsette på kvar enkelt skole vil finne fram til gode løysingar for korleis meldingar skal skje, og korleis informasjonen i meldingane skal varetakast. Dette handlar til dømes om å ha klare interne retningslinjer for kva saker som skal meldast frå om straks, og kva for nokre andre intervall eller tidspunkt skolen skal operere med. Å utarbeide og gjennomføre rutinar for melding er ein del av det kontinuerlege arbeidet til skolen med skolemiljøet etter forslaget til § 12-3 andre ledd og er også eit viktig element i internkontrollen til kommunen etter kommunelova § 25-1.

Departementet vidarefører også at rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen i alvorlege tilfelle. Formålet med meldinga er å gjere kommunen eller fylkeskommunen kjend med saka slik at dei kan involvere seg i korleis ho skal løysast. Døme på kva som blir rekna som alvorleg, er saker der krenkingane er særleg valdelege eller på andre måtar svært integritetskrenkande, når fleire elevar alvorleg har krenkt ein enkeltelev, eller der leiinga i skolen over noko tid ikkje har greidd å løyse ei sak. Også digital mobbing på tvers av skolar eller grove truslar via til dømes sosiale medium bør meldast frå om til skoleigar. Kommunen og fylkeskommunen kan fastsetje eigne rutinar for når skolane skal melde frå

til skoleeigarnivået. I slike rutinar kan det fastsettjast ein lågare terskel for melding enn lova krev.

#### Plikt til å undersøke

Den fjerde av dei fem delpliktene er plikta til å undersøke. Alle mistankar om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal undersøkjast snarast. Det same gjeld dersom ein elev sjølv seier frå at det ikkje kjennest trygt og godt ut på skolen. Undersøkingsplikta korresponderer med retten eleven har til eit trygt og godt psykososialt skolemiljø, jf. forslaget til § 12-2, og femnar derfor meir enn tilfelle der ein tilsett mistenkjer eller veit at eleven har vorte utsett for krenkingar. Retten til eit trygt og godt psykososialt skolemiljø er vidare enn fridom frå krenkingar og blir dessutan ikkje avgrensa av årsaka til at eleven ikkje opplever å ha det trygt og godt. På same vis som i samband med plikta til å melde frå skal det vere ein låg terskel for kva som skaper mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, og dermed utløser plikta til nærmare undersøkingar.

Når undersøkingsplikta blir utløyst, skal skolen snarast gjennomføre nødvendige undersøkingar. Det vil seie å innhente nok informasjon til å avdekke kva som har skjedd, og om ein eller fleire elevar opplever at skolemiljøet ikkje er trygt og godt. Departementet påpeikar at undersøkingsplikta handlar om å undersøke kva som ligg bak opplevinga til elevane. Undersøkingane må ha som formål å få fram fakta om ein situasjon, bakgrunnen for opplevinga til elevane og kva forhold i omgivnadene til elevane som påverkar korleis dei opplever skolemiljøet.

Dersom ein elev fortel at eleven har vorte krenkt av ein annan elev eller ein som arbeider på skolen, må den som blir skulda for å ha krenkt eleven, også kunne få komme med sitt syn på saka. At det i denne samanhengen må innhentast informasjon og synspunkt frå fleire enn eleven sjølv, følgjer også av at krenkingsomgrepet er objektivt.

Departementet har vurdert forslaget fra *Utdanningsforbundet* om å presisere i lovteksten at undersøkingsplikta inneber at alle som har fått skuldingar retta mot seg, skal få presentert innhaldet i klaga og få moglegheita til å fortelje kva som har skjedd, også i saker der ein tilsett er blir skulda for å krenke ein elev.

Departementet viser til at det skal gjennomførast ei objektiv heilsakpsvurdering av om ein elev har vorte krenkt. Det inneber at ein ikkje kan bygge utelukkande på den subjektive forståinga

eleven har av situasjonen. Som nemnt over må synspunkta til den som blir skulda for å ha krenkt ein elev, anten det er ein elev eller lærer, også takast i betrakting. Departementet meiner derfor at dagens lov og lovforslaget varetok rettstryggleiken til lærarar og andre elevar. Departementet ser at ei nærrare regulering av kva undersøkingane skal bestå i, kan ha ein pedagogisk effekt, men meiner likevel at det ikkje bør givast meir detaljerte reglar om dette fordi krenkingsomgrepet er objektivt og det derfor ikkje kan vere tvil om at synspunkta til den som blir skulda for å ha krenkt ein elev, må takast i betrakting. Vidare legg departementet vekt på at undersøkingsplikta gjeld i alle tilfelle der det ligg føre mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø generelt, og derfor i langt fleire saker enn dei tilfella der ein elev ikkje har eit trygt og skolemiljø som følgje av ei krenking. Departementet meiner at forslaget frå *Utdanningsforbundet* til presisering kan føre til at det blir gitt inntrykk av at undersøkingsplikta er avgrensa til å undersøke krenkingar, noko som ikkje er tilfellet. Departementet foreslår derfor ikkje å ta inn forslaget til presisering i lovteksten.

Når undersøkinga viser at det er elevar som ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, eller i saker der elevane sjølv har sagt frå, må informasjonen i neste omgang brukast til å vurdere kva tiltak som skal setjast inn, sjå nedanfor. Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal tiltak setjast inn sjølv om ein ikkje finn konkrete krenkingar gjennom undersøkingane. Ei undersøking kan også handle om å avklare og opplyse forhold tilbake i tid eller forhold utanfor skoletida og skoleområdet, dersom slike forhold påverkar kvar dagen for elevane på skolen.

Departementet foreslår å endre ordlyden slik at det betre kjem fram at skolen skal undersøke saka før skolen set inn tiltak også i saker der ein elev sjølv seier frå om at eleven ikkje har det trygt og godt. I dagens § 9A-4 tredje ledd heiter det at «[v]ed mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skolen snarast undersøke saka». I lovforslaget til § 12-4 har departementet valt å ikkje knyte undersøkingsplikta eller tiltaksplikta spesifikt til mistanke eller kjennskap, men i staden generelt regulere at «[s]kolen skal snarast undersøke saka og retta opp situasjonen med eigna tiltak». Etter synet til departementet er det klarare etter den foreslalte ordlyden at undersøkingsplikta også gjeld når ein elev sjølv fortel at han eller ho ikkje har det trygt og godt. Også her er det lagt til grunn at det gjeld eit slikt krav i dag, då det er nødvendig å under-

søkje saka for å kunne setje inn eigna tiltak. Departementet meiner at endringa er eigna til å gjøre det endå klarare for alle at det kan ventast av skolen at han undersøker saka uavhengig av korleis saka blir kjend, eller korleis skolen har fått mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt.

Departementet reknar den nemnde justeringa som å svare ut innspelet frå *Utdanningsdirektoratet* om at undersøkingsplikta blir gjenteken to gonger i høyringsforslaget til § 12-4, ettersom undersøkingsplikta no berre blir nemnd éin gong i paragrafen. Endringa er ikkje meint å innebere ei realitetsendring.

#### Plikt til å setje inn tiltak

Den femte av dei fem delpliktene er plikta til å setje inn tiltak. Skolen har plikt til å setje inn tiltak som er eigna til å sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. For å sikre kvar enkelt elev dei beste føresetnadene for å trivast og lære på skolen, må det ikkje vere tvil om eleven skal få hjelp når eleven ikkje har det trygt og godt. Skolen skal følgje opp alle elevane sine og alltid anerkjenne opplevinga deira av sitt eige skolemiljø. Skolen skal aldri avvise eller underkjenne opplevinga ein elev har av utryggleik eller mistriksel på skolen. Å erkjenne opplevinga til eleven og setje inn tiltak for å bøte på problemet er i samsvar med god pedagogisk praksis og viktig både for enkelteleven, men også skolemiljøet samla sett. Departementet legg dessutan vekt på at regelverket framleis må gi skolen tydelege insentiv til å handle overfor alle elevar som opplever at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, uansett årsak. Slik blir det lagt til rette for at retten eleven har etter forslaget til § 12-2, faktisk blir realisert.

Tiltaket til skolen må tilpassast den konkrete saka, mellom anna årsaka til problemet, og val av tiltak må byggje på konkrete og faglege skjønnsvurderingar. I høyringa foreslo departementet å presisere i lovteksten at val av tiltak skal byggje på konkrete og faglege skjønnsvurderingar. Alle høyringsinstansane som uttaler seg om forslaget, støttar dette. At det gjeld eit slikt krav, er også lagt til grunn etter dagens regelverk, jf. Prop. 57 L (2016–2017) *Endringer i opplæringslova og friskolelova (skolemiljø)*, punkt 5.5.2.5. Departementet meiner kravet er sentralt for at tiltaka som blir sette inn, skal lykkast. Departementet meiner likevel at kravet ikkje bør presiserast direkte i lova, fordi departementet meiner at dette kravet kan utleiaast direkte frå ordlyden «eigna tiltak». Dagens reglar om krav til konkrete og faglege vurderingar blir

dermed uansett vidareført (sjå også merknaden til forslaget til § 12-4 andre ledd).

At tiltak skal baserast på faglege vurderingar, føreset at dei tilsette har oppdatert og tilstrekkeleg kompetanse om skolemiljø og arbeid mot mobbing og andre krenkingar. Godt fagleg skjønn baserer seg på kunnskap, prinsipp og verdiar som er utvikla og anerkjende av kompetente fagniljø. I samband med dette er det viktig for departementet å understreke ansvaret kommunen og fylkeskommunen har for å sørge for at dei tilsette i skolen har nødvendig kunnskap om kva tiltak som ut frå faglege vurderingar blir rekna som eigna for ulike situasjonar og tilfelle, jf. forslaget til § 17-1.

Ofte vil det vere behov for fleire tiltak i samanheng for at tiltaka i sum skal vere eigna til å løyse problemet. Departementet påpeikar dessutan at tiltak ikkje treng å rette seg mot utvalde enkeltelevar, men kan rette seg mot eit større eller mindre problem eller ei miljøutfordring på skolen.

Plikta skolen har til å setje inn tiltak, gjeld uavhengig av kva som er årsaka til at eleven ikkje opplever å ha eit trygt og godt skolemiljø, og uavhengig av om det har funnest stad ei krenking eller ikkje. Skolen skal setje inn tiltak også der som mobbing eller hendingar på fritida gjer at ein elev ikkje har det trygt og godt på skolen. Departementet vil likevel understreke at skolen ikkje har ansvar for å løyse problem og utfordrande situasjonar på fritida og i heimesituasjonen til eleven. Skolen skal derimot gjere det som er mogleg, med dei tiltaka som er tilgjengelege for skolen, for å hjelpe eleven på skolen. Dette gjeld til dømes i samband med digital mobbing som ofte skjer på fritida, men der utryggleiken følger med eleven når han eller ho er på skolen. Eigna tiltak i slike samanhengar kan vere å drive opplæring i nettvett og personvern, eller å sørge for at bestemte elevar ikkje har kontakt på skolen. I nokre tilfelle vil eit eigna tiltak vere å involvere andre kommunale instansar, til dømes helsetenesta, barneverntenesta eller det ambulerande teamet i kommunen, i tillegg til dei tiltaka skolen set inn på arenaen sin. Skolen skal altså setje inn dei eigna tiltaka som finst, og som er tilgjengelege for skolen, som kan sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Skolen må aktivt søkje etter moglege og eigna tiltak. I mange tilfelle vil tiltak retta mot skolesituasjonen ha effekt også på forhold utanfor skolen. I andre tilfelle eller i tillegg kan det vere nødvendig å opprette kontakt med andre instansar som kan bidra.

Skolevegen er i ei særstilling samanlikna med andre arenaer utanfor skolen fordi skolevegen er så nært knytt til skolegangen. Rett og plikt til opp-

læring gjer at elevane må komme seg til og frå skolen, og dette skil skolevegen frå mellom anna heimen og fritida. At tiltaksplikta gjeld uavhengig av årsaka til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, betyr at også forhold på skolevegen til ein elev kan utløyse tiltak. Eigna tiltak i denne samanhengen kan vere samtalar med elevar og foreldre, oppmodingar om å etablere følgiegrupper e.l. På grunn av særstillinga til skolevegen og nære tilknyting til skolegangen må skolen dessutan i større grad også kunne forventast å setje inn tiltak på sjølv skolevegen, til dømes tilsyn på bestemte plassar. Departementet viser også til at skolereglane i skolen kan gjelde på skolevegen. Dette betyr likevel ikkje at dei som arbeider på skolen, har plikt til å følgje med på kva som skjer på skolevegen, med mindre dei er utplasserte på skolevegen som eit tiltak, sjå punktet over om plikt til å følgje med.

At plikta til å setje inn tiltak blir utløyst av at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, inneber at plikta gjeld så lenge ein elev ikkje opplever at skolemiljøet er trygt og godt, og det finst eigna tiltak som kan setjast inn. Ein praktisk konsekvens av dette er at skolen stadig må evaluere tiltaka som er sette inn. Dersom tiltaka ikkje har oppnådd formålet, må skolen halde fram med arbeidet og vurdere om tiltaksperioden skal forlengjast, eller om det skal setjast inn fleire eller andre tiltak. For å nå formålet om reelt sett å sikre retten til elevane, inneber plikta til å setje inn tiltak derfor også plikt til å følgje opp tiltaka, evaluere verknaden og eventuelt leggje til eller endre tiltak dersom det er nødvendig.

Plikta til å setje inn tiltak gjeld i alle tilfelle der eleven ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, anten det kjem av mistanke eller kjennskap frå skolen si side om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, eller ein elev eller foreldra sjølv opplyser om det. Departementet understrekar at det ikkje skal stillast strenge krav til når ein elev skal reknast for å ha sagt frå om at skolemiljøet ikkje eit er trygt og godt i denne samanhengen, og viser til vurderinga om dette i relasjon til plikta til å melde frå ovanfor. Plikta til å setje inn tiltak skal også utløysast av at undersøkingar skolen har utført på eige initiativ, viser at ein eller fleire elevar ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.

#### **Det beste for eleven og rett til å bli høyrd**

Departementet understrekar viktigheita av aktivt å finne ut kva eleven meiner, og å høyre eleven, sjå forslaget til § 10-2. Samtidig ligg det til den faglege vurderinga til skolen å ta stilling til om det er

nødvendig med tiltak også når eleven er motvillig. Tiltaksplikta til skolen går lenger enn å ta tak i situasjonar der elevane positivt seier frå og ber om hjelp. Departementet viser i denne samanhengen også til at skolen er forplikt til å ta omsyn til det beste for eleven, sjå lovforslaget til § 10-1. Kva som er til det beste for eleven, må vurderast konkret, og det kan bety at skolen i nokre tilfelle skal setje inn tiltak sjølv om eleven ikkje ønsker det. Det kan også tilseie at det skal setjast inn andre tiltak enn eleven sjølv ønsker.

Fordi departementet innfører generelle reglar om det beste for eleven og retten eleven har til å bli høyrd, i §§ 10-1 og 10-2 i lovforslaget, foreslår departementet å ikkje vidareføre reglane om dette i dagens § 9 A-4 femte ledd i § 12-4 i lovforslaget. Departementet viser til at ei vidareføring ville innebere ei dobbeltregulering som etter retningslinjene for regelstyring skal unngåast, sjå punkt 4.5.7.

#### Forholdet til forvaltningslova

Departementet legg til grunn at tiltak sette i verk etter aktivitetsplikta i § 12-4 i lovforslaget, som i dag, ikkje inneber enkeltvedtak. Departementet viser til at aktivitetsplikta vart innført delvis for at ressursane i skolen skulle nyttast til å sørge for handlingar som hjelper elevane, framfor forvaltningsrettslege form- og prosesskrav. I Deloittes evaluering av opplæringslova kapittel 9 A vart det konkludert med at det vart utarbeidd langt fleire aktivitetsplanar etter revisjonen av kapittel 9 A i 2017 enn enkeltvedtak før revisjonen. Etter synet til departementet taler dette for at omlegginga til ei aktivitetsplikt har vore vellykka, og ein indikasjon på at skolen opptrer meir handlingsretta i skolemiljøsaker enn før.

Departementet legg vidare vekt på at enkeltvedtaket ikkje er særleg barne- eller familievennlig. Enkeltvedtaket er gjerne i eit språk og ei form som passar därleg i mellommenneskelege relasjoner og især i saker om krenkingar og skolemiljø.

Rettstryggleiken som eit enkeltvedtak gir, er slik departementet ser det, varetaken gjennom reglane som blir foreslått vidareført i lovforslaget kapittel 12 om skolemiljø. Departementet meiner at signalet til barn og foreldre om at saka blir teken seriøst, og at skolen forpliktar seg til å setje inn tiltak, blir vidareført gjennom krava til dokumentasjon. Dokumentasjonskrava vil også gi moglegheiter til å etterprøve og gi dokumentasjon til nytte for både skolen og statsforvaltaren gjennom handhevingsordninga. Sjå meir om dokumentasjonskrav i nedanfor. Departementet foreslår også

å vidareføre at elevane kan få saka overprøvd gjennom handhevingsordninga til statsforvaltarane, sjá punkt 33.8 nedanfor, som varetok behov elevar og foreldre har for overprøving i skolemiljøsaker. Departementet vurderer handhevingsordninga som meir effektiv enn det ordinære klagesystemet i forvaltningslova, som ville ha vore gjeldande dersom skolen skulle ha vedtaksplikt i skolemiljøsakene.

Departementet understrekar at aktivitetsplikta i forslaget til § 12-4 ikkje i seg sjølv heimlar tiltak retta mot elevar som avgrensar rettane til nokon eller pålegg nye plikter, slik heller ikkje dagens § 9 A-4 gjer det. Det følgjer av legalitetsprinsippet at slike tiltak krev særskild heimel i lov. Det kan vere nokre tiltak som blir vedtekne som tiltak i medhald av lovforslaget § 12-4, etter karakteren sin er å rekne som enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav a og b, og som derfor må gjerast i samsvar med saksbehandlingsreglane i forvaltningslova for enkeltvedtak. Døme på dette er bortvising, dersom det er snakk om bortvising over éin dag, eller dersom bortvisinga er planlagd, sjá merknadene til § 13-1 i forslaget og 34.3.4.3, og pålagt skolebytte, sjá forslaget § 13-2 og 34.4.4.2. I begge desse tilfella grip skolen inn i retten eleven har etter lova til høvesvis å få opplæring eller til å gå på nærskolen.

Departementet legg likevel til grunn at dei aller fleste tiltaka som blir sette inn i ei sak om skolemiljøet til elevar, ikkje krev ein eigen lovheimel eller å vere i form av enkeltvedtak. Dei fleste skolemiljøtiltak vil slik departementet ser det, kunne gjennomførast på grunnlag av eit anna rettsgrunnlag, mellom anna organisasjonsfridom (retten skolen har til å organisere verksemda si, både innanfor undervisningssituasjonen, men også den friare tida til elevane som friminutt og fridamar) og plikta skolen har til å tilby opplæring, eigarskapen skolen har til lokale, inventar og utstyr, samtykke frå eller avtale med elevar eller foreldre.

Departementet har også vurdert om andre tiltak som etter omstenda kan vere av meir belastande karakter for dei elevane det gjeld, som ei avgjerd om skjermingstiltak eller klassebytte, likevel må reknast som enkeltvedtak.

I ei sak om skolemiljø kan tiltak som «fri-merke», «fotfølging» eller andre former for skjerming vere aktuelle å vurdere for å verne elevar frå vanskelege situasjonar. Tiltaka kan vere knytte til eleven som opplever at det ikkje er trygt og godt på skolen, til dømes ved at han eller ho har ein dedikert voksenperson nær seg i friminutta eller skal opphalde seg på bestemte stader i friminutt

og fritimar. Andre gonger, og kanskje meir praktisk, vil tiltaka knyte seg til elevar som skaper utryggleik hos ein eller fleire medelevar. Departementet går ut frå at skolen i kraft av eigarrådvetdet sitt over skolebygning og dei andre areala til skolen kan avgrensa retten elevar har til å opphalde seg på bestemte område, eller påby elevar å opphalde seg ein bestemt stad. Dette gjeld både i undervisningstida og i friminutt etc. Departementet legg vidare til grunn at skolen i kraft av organisasjonsfridommen sin kan vedta at ulike elevar og elevgrupper skal ha friminutt på ulik tid. Det er ikkje rettsleg grunnlag i forslaget til ny opplæringslov (eller i dagens lov) for tiltak som inneber tvang, isolasjon, fysisk kontakt (halde fast i handa, trekke etter armen o.l.) eller andre tiltak som verkar direkte rørslehindrande. Skjermingstiltaka kan derfor ikkje gjennomførast ved bruk av makt eller tvang. Føresett at den kroppslege integriteiten til elevane ikkje blir krenkt, vil skolen også kunne bestemme at tilsette ved skolen skal vere i nærleiken av bestemte elevar både i undervisningstida og i friminutt osv. Dette kan skolen gjere i kraft av organisasjonsfridommen sin. Til saman gir dette skolen ein relativt brei tilgang til å gjennomføre tiltak som inneber ulik grad av skjerming i tid og rom. Slike tiltak vil ikkje reknast som enkeltvedtak. Departementet meiner at det rettslege grunnlaget for slike tiltak vil vere eigarrådvetdet og organisasjonsfridommen til skolen. Tiltaka krev dermed ikkje særskild lovheimel.

Avgjerda til skolen om klassebyte vil slik departementet ser det, heller ikkje gripe inn i retten eller plikta til ein elev fordi ein elev ikkje har rett til å gå i ein bestemt klasse eller basisgruppe. Eit slik tiltak vil derfor, slik departementet ser det, ikkje vere eit enkeltvedtak. Departementet understrekar likevel at i samband med slike tiltak, som med andre tiltak, skal omsynet til det beste for elevane vere eit grunnleggjande omsyn i vurderinga, og skolen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde, sjá §§ 10-1 og 10-2 i lovforslaget.

Departementet forstår at skjermingstiltak og ei avgjerd om klassebyte kan gå på tvers av det elevane sjølv ønskjer seg. Det skal ikkje underkjennast at eit klassebyte undervegs i året kan opplevast svært belastande for eleven som blir flytta. Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø. I den grad ein elev som blir omfatta av ei avgjerd om klassebyte eller skjerming, meiner at tiltaket utgjer eit brot på retten til eit trygt og godt skolemiljø, kan eleven eller foreldra til eleven melde saka til statsforvaltaren, dersom dei meiner skolen ikkje har oppfylt si aktivitetsplikt i samband med dette. Departementet meiner at det

ikkje er grunn til å skilje mellom årsakene til at eleven ikkje lenger har fått eit trygt og godt skolemiljø. Departementet meiner at skolemiljøsaker som kjem som følgje av tiltak som skolen har sett inn, må løysast på same måten som andre saker om brot på retten til eit trygt og godt skolemiljø, det vil seie gjennom aktivitetsplikta og handhavingsordninga.

Departementet viser elles til tolkingsfråsegnasi av 28. april 2018, som er tilgjengeleg på nettsidene til Utdanningsdirektoratet.

### 33.6.4.2 Dokumentasjonskrav

#### Skriftleg tiltaksplan (aktivitetsplan)

Departementet foreslår å vidareføre at skolen skal utarbeide ein skriftleg plan for tiltaka i ei sak (aktivitetsplan).

Departementet foreslår også å vidareføre at skolen er pliktsubjekt i den samanhengen. Skolen er ikkje eit eige rettssubjekt, og skolen kan dermed ikkje ha mynde eller rettsleg ansvar. Skolen kan slik departementet vurderer det, likevel brukast som pliktsubjekt i lova for oppgåver som naturleg skjer på skolenivå, sjá nærmere punkt 4.5.6 om kven som blir pålagt plikter etter lova. Her er skolen brukt som pliktsubjekt fordi det etter vurderinga til departementet ikkje er naturleg å skrive kommunen og fylkeskommunen, ettersom utarbeidingsa av tiltaksplanen naturleg skjer på skolenivå. Det er like fullt kommunen og fylkeskommunen som er ansvarlege, jf. forslaga til §§ 28-1 og 28-2.

At det i ei sak finst dokumentasjon på korleis skolen vil ta tak i ei sak, er i tråd med kva som er ein tenleg måte å arbeide på, og kva som er fagleg forsvarleg praksis på ein skole. Det er viktig for familiane som står i ei sak, at det finst eit papir på at skolen tek tak i saka deira og forpliktar seg til å hjelpe eleven. Denne typen dokumentasjon er viktig både av omsyn til effektive arbeidsprosessar, av mellommenneskelege årsaker og av omsyn til overprøvinga statsforvaltaren skal utføre. Utan dokumentasjon som formidlar intensjonen til skolen og avgjørder i enkeltsaker, kan gjennomføringa til skolen bli mindre effektiv, og det kan skje at elevar og foreldre melder saka til statsforvaltaren der det er unødvendig. Manglande dokumentasjon vil dessutan kunne forseinkse saksbehandlinga til statsforvaltaren.

Departementet foreslår å vidareføre dagens reglar om kva tiltaksplanen skal innehalde. Dokumentasjonen må for å oppfylle formålet sitt som eit minimum beskrive

- a. kva problem tiltaka skal løyse
- b. kva tiltak skolen har planlagt
- c. når tiltaka skal gjennomførast
- d. kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e. når tiltaka skal evaluerast

Desse punkta utgjer etter synet til departementet det som minimum må til for å dokumentere planane til skolen for korleis ei bestemt sak skal handterast, og for sikre ei effektiv gjennomføring av tiltaka. Innhaldet kan også tryggje elevane og foreldra om at skolen tek tak i saka. Det blir ikkje stilt formkrav til planen utover at han skal vere skriftleg. Departementet har vidare lagt vekt på at det skal vere lett å forstå og praktisere kravet.

Departementet vil påpeike at omfanget av opplysningar under kvart av punkta a til e må tilpassast den enkelte saka. I ei sak der tiltak tidleg blir sett inn og tiltaket er enkelt og lite, kan planen vere kort og meir skjematiske enn i ei sak der det er eit meir komplekst saksforhold, og der tiltaka er samansette og mange. Ein aktivitetsplan treng dessutan ikkje å knyte seg til éin bestemt elev, men kan ta for seg ein situasjon eller ei utfordring som omfattar fleire.

Planen skal ikkje reknast som eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Skolane er derfor ikkje forplikta til å følge reglane i forvaltningslova om form og prosess for enkeltvedtak når dei lagar ein aktivitetsplan. Som nemnt over meiner departementet at enkeltvedtaksforma verken blir rekna som ei nødvendig eller effektiv dokumentasjonsform i skolemiljøsaker. I staden meiner departementet at det mest tenlege er å stille krav til når eit dokumentasjonskrav blir utløyst, og til eit minimum av innhald. Departementet understrekar at omsynet til det beste for elevane skal vere eit grunnleggjande omsyn i utarbeidninga av planen, og skolen skal sørge for at involverte elevar blir høyrd, sjå forslaga til §§ 10-1 og 10-2.

Dokumentasjon på korleis skolen gjennomfører planen, under dette utfallet av evalueringar og oppfølging, vil vere omfatta av dokumentasjonen som krevst etter det meir overordna dokumentasjonsplikta som beskriven nedanfor.

### Dokumentasjonsplikta

Departementet meiner at det for å sikre rettstryggleiken til elevane framleis er behov for ei særskild og meir konkret plikt til å dokumentere i skolemiljøsaker enn det som følger av regelen om internkontroll i kommunelova § 25-1. At kravet rettar seg mot det arbeidet skolen faktisk gjer for

å oppfylle aktivitetsplikta, og ikkje rutinar eller planar for korleis kravet skal oppfyllast, skil dette dokumentasjonskravet frå dei krava som blir knytte til moglegheitene for å etterprøve kravet om internkontroll.

Departementet foreslår derfor å vidareføre den overordna dokumentasjonsplikta, som pålegg skolane å dokumentere arbeid som er gjort for å oppfylle aktivitetsplikta i enkeltsaker. Departementet meiner at det bør stillast krav om at kvar enkelt skole skal sørge for at det skjer ein forsvarleg og tenleg dokumentasjon av arbeidet til skolen i samband med dette. Dette gjeld det arbeidet som blir gjort for å sikre at krava til å følge med, gripe inn, varsle, undersøke og setje inn tiltak blir oppfylte. Når det gjeld plikta til å følge med, vil dokumentasjonen i stor grad vere knytt til aktivitetar som omfattar fleire elevar, grupper eller heile skolen. I samband med resten av delpliktene vil det dreie seg om kva skolen gjer i enkeltsaker. Departementet påpeikar at enkeltsaker ikkje treng å handle om éin enkelt elev, men kan vere ein situasjon eller ei utfordring som omfattar fleire elevar eller ein klasse, gruppe, trinn osv.

Departementet meiner at dokumentasjonskravet framleis bør utløysast samtidig som skolen har plikt til å setje inn tiltak. Dette vil i praksis vere når skolen kjenner til at ein elev ikkje har det trygt og godt, anten etter undersøkingar på eige initiativ eller etter at ein elev sjølv seier frå. Dette innslagspunktet for plikta til å dokumentere korleis skolen vil handtere saka, samsvarer etter synet til departementet godt med det som også er eit naturleg tidspunkt for å diskutere saka med involverte elevar og foreldre. Dokumentasjonen vil også markere ein intensjon om å gjennomføre visse tiltak. Oppfyllinga til skolen av dei andre delpliktene skal også dokumenterast.

Kunnskapsgrunnlaget viser at plikta til å dokumentere kva som er gjort for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø, har ført til auka ressursbruk, og at skolane opplever at det er uklart kva som skal til for å oppfylle dokumentasjonskravet. Opplæringslovutvalet foreslo å presisere at skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta, i den forma og det omfanget som er nødvendig. Departementet meiner at denne presiseringa vil bidra til å gjøre tydeleg at skolane har eit handlingsrom med omsyn til kor mykje som blir dokumentert. Presiseringa gir opp at kommunen og fylkeskommunen må vurdere kva som er nødvendig å dokumentere, og at kommunen og fylkeskommunen ikkje treng å dokumentere i større omfang enn det som er nødvendig. Departementet foreslår

derfor at det skal presiserast i lova at skolen skal dokumentere i den forma og det omfanget som er nødvendig. Departementet viser vidare til at dei aller fleste høringsinstansane er positive til den foreslalte presiseringa om dokumentasjonsplikt.

Fleire høringsinstansar meiner at det er behov for betre rettleiing om innhaldet i dokumentasjonskravet. Dokumentasjonskravet inneber at det vil vere naturleg å samanfatte ein korrespondanse, ein samtale eller eit møte med elevar og foreldre og dessutan vurderingane til skolen og vidare planar for saka.

Kor mykje det er nødvendig å dokumentere, vil variere frå sak til sak. Kommunane, fylkeskommunane og skolane har i dag stor fridom når det gjeld kva og kor mykje dei skal dokumentere. Å innføre meir detaljerte reglar for kva som skal dokumenterast, vil gripe inn i handlefridommen frå kommunane og fylkeskommunane. Departementet legg til grunn at kommunane og fylkeskommunen finn fram til tenlege løysingar, og at det derfor ikkje er grunn til å innføre meir detaljerte reglar om dokumentasjon.

Departementet viser vidare til at Utdanningsdirektoratet gir tydeleg rettleiing om dokumentasjonskravet i rundskrivet om skolemiljø, Udir-3-2017.

### 33.6.5 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å vidareføre aktivitetsplikta
- å ikkje vidareføre eigne reglar om høyring av eleven og det beste for eleven i samband med aktivitetsplikta ettersom departementet foreslår generelle reglar om dette
- å vidareføre dokumentasjonsplikta, men å presisere at skolen skal dokumentere i den forma og det omfanget som er nødvendig

Sjå forslaget til § 12-4.

## 33.7 Skjerpa plikt til å melde frå dersom ein som arbeider på skolen, krenkjer ein elev

### 33.7.1 Dagens reglar

Det gjeld ei skjerpa aktivitetsplikt i saker der ein som arbeider på skole krenkjer elevar, jf. § 9 A-5. Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan tilsett krenkjer ein elev, skal han eller ho straks varsle rektor. Rektor skal varsle skoleeigaren, det vil seie kommunen eller fylkeskommunen. Dersom mistanken

eller kunnskapen går ut på at det er ein i skoleleia som krenkjer eleven, skal den tilsette varsle kommunen eller fylkeskommunen direkte. Undersøkingar og tiltak skal setjast i verk straks.

### 33.7.2 Høringsforslaget

Departementet foreslo

- å vidareføre den skjerpa aktivitetsplikta for tilfelle der det er mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skolen krenkjer ein elev
- å fjerne dagens presisering om at undersøkingar og tiltak skal setjast inn straks, ettersom dette blir dekt i høringsforslagets § 12-4 tredje og fjerde ledd.
- å ikkje innføre ein terskel for plikta til å melde frå ved at rektor kan la vere å melde vidare der som meldinga er openbert grunnlaust

Departementet bad vidare om synet til høringsinstansane på om det er tilstrekkeleg at plikta til å melde frå kjem fram av den alminnelege paragrafen om aktivitetsplikta, som allereie regulerer at alvorlege saker skal meldast vidare til kommunen eller fylkeskommunen, eller om plikta til å melde frå framleis bør regulerast i ein eigen paragraf som i dag.

Med dette høringsforslaget følgde departementet delvis opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 36. Opplæringslovutvalet foreslo at rektor kan unnlate å varsle vidare til kommunen eller fylkeskommunen dersom varselet som rektor har fått, er openbert grunnlaust. Utvalet foreslo også å vidareføre presiseringa i dagens opplæringslov § 9 A-5 om at undersøkingar og tiltak skal setjast inn straks. Departementet gjekk ikkje vidare med desse to forslaga i høyringa, men foreslo elles å vidareføre den skjerpa aktivitetsplikta.

### 33.7.3 Høringsinstansanes syn

*Regel om plikt til å melde frå*

36 av dei 42 høringsinstansane som uttaler seg, støttar heilt eller delvis forslaget om å vidareføre regelen om plikt til å melde frå dersom ein som arbeider på skolen, krenkjer ein elev.

Blant høringsinstansane som generelt støttar vidareføringa, er *Barneombodet*, *Bergen kommune*, *Oslo kommune* og *Elevorganisasjonen*. *Bergen kommune* noterer at ettersom krenkingsomgrepene er objektivt, blir ikkje rettstryggleiken til dei tilsette svekt av regelen.

*Rogaland fylkeskommune* meiner det er problematisk at lærarar ikkje har rett til å uttale seg der som det ligg føre mistanke eller skulding om at ein elev har vorte krenkt av ein lærar etter lovfor slaget § 12-5. Sjølv om læraren ikkje formelt blir rekna som ein part i desse sakene, påpeikar fylkeskommunen at det blir opplevd som svært belastande for læraren å få ei slik skulding mot seg. Normale rettsprinsipp, under dette retten til kontradiksjon, bør også gjelde i desse tilfella. Fylkeskommunen foreslår å endre lovteksten slik at uttalen til læraren skal ligge ved når ei sak blir send til kommunen eller fylkeskommunen. Fylkeskommunen meiner at dette i større grad varetak rettane til lærarane etter arbeidsmiljølova § 4-3.

#### *Innspel om terskel for plikta til å melde frå*

Når det gjeld spørsmålet om det bør innførast ein terskel for plikta til å melde frå, er høyningsinstansane delte. Fleire uttaler at det ikkje bør innførast ein terskel. *Barneombodet, Statsforvaltaren i Oslo og Viken, Statsforvaltaren i Troms og Finnmark, Fredrikstad kommune og Oslo kommune* er blant desse høyningsinstansane.

*Fredrikstad kommune* peikar på at dersom rektor skal vurdere kva som er ei openert grunnlaus melding, vil det kunne føre til ulik praksis mellom kommunar, fylkeskommunar, skolar og kanskje også internt på skolar. Dette vil slik denne kommunen ser det, kunne svekkje retten elevane har til likebehandling, og det kan opplevast som ei større belastning for både den tilsette og rektor dersom ei sak blir meld vidare etter at rektor har gjennomført ei vurdering. *Barneombodet* uttaler seg i same retning og peikar også på at objektiviteten til krenkingsomgrepet i seg sjølv oppstiller ein terskel.

Det er også fleire organisasjonar som ønskjer å innføre ein terskel for plikta til å melde frå. *Utdanningsforbundet* meiner at det bør innførast ein terskel for plikta til å melde frå, og at ein terskel vil bidra til å løyse saker på eit lågast mogleg nivå. *Skolenes landsforbund* meiner at saker etter kapittel 12 i lovfor slaget generelt bør undersøkjast før dei blir rapporterte oppover i systemet, og viser til at saker etter § 9 A-5 har eskalert unødvendig på grunn av manglande rett for skoleleininga til å undersøkje saka før ho blir rapportert til overordna nivå. Også *Jessheim vidaregåande skole* ønskjer at rektor skal undersøkje saka før ei eventuell melding skal sendast. Også *Norsk Lektorlag* støttar ein terskel for plikta til å melde frå og viser

til at dette ville vere ei fornuftig tydeleggjering av regelverket.

#### *Innspel om samarbeid med eleven*

Enkelte høyningsinstansar meiner at det bør komme fram av lovteksten at melding til kommunen eller fylkeskommunen må skje i samarbeid med eleven. *UNICEF Norge* peikar på at dette er forhold som gjeld eleven direkte, og at det derfor ikkje må meldast utan at eleven har fått moglegheita til å medverke. *Forandringsfabrikken* peikar på at barn har opplevd at det dei har sagt, har vorte fortalt vidare utan at det først har vorte samarbeidd med barnet om det, noko som har øydelagt for tilliten, både til den vaksne som har delt noko vidare, og til andre vaksne.

#### *Om plikta til å melde frå bør komme fram av den ordinære paragrafen om aktivitetsplikta*

Departementet bad også om synet til høyningsinstansane på om plikta til å melde frå bør komme fram av den ordinære paragrafen om aktivitetsplikta, som allereie regulerer at alvorlege tilfelle skal meldast vidare til kommunen eller fylkeskommunen.

Få høyningsinstansar har uttalt seg særskilt om dette spørsmålet.

*Viken fylkeskommune* meiner at plikta til å melde frå bør komme fram av paragrafen om aktivitetsplikta, og påpeikar at ei tilvising til lovfor slaget § 12-4 andre ledd vil bidra til å sjå samanhenget i heile kjeda av handlingar som skal følgjast i sakene. *Statsforvaltaren i Oslo og Viken* har erfart gjennom saksbehandling og sine tilsynssaker at plikta rektor har til å varsle skoleeigar, det vil seie kommunen eller fylkeskommunen, i alvorlege tilfelle, ikkje alltid er like godt kjend for skolane, eller at det er ein for høg terskel for å varsle. Dette kan føre til at alvorlege saker som burde ha vore varsla til kommunen eller fylkeskommunen, ikkje blir det. Etter Statsforvaltarens erfaring er til samanlikning plikta rektor har til å varsle kommunen eller fylkeskommunen i saker som handlar om krenkingar frå tilsette, noko betre kjend. Ved å blande saman plikta til å varsle i desse to tilfella meiner Statsforvaltaren at det vil vere ein risiko for at varslingsplikta i alvorlege saker blir endå mindre kjend. Også *Statsforvaltaren i Troms og Finnmark* meiner at plikta til å melde frå bør komme fram av § 12-5.

*Statsforvaltaren i Trøndelag* meiner at det bør vere eit klart skilje mellom dei ulike meldepliktene. Etter Statsforvaltarens syn vil det bidra til å

vise at oppfølginga av meldingar om krenkingar frå vaksne krev eit høgare tempo.

### **33.7.4 Departementets vurdering**

#### *Regel om plikt til å melde frå*

Departementet foreslår å vidareføre plikta til å melde frå ved mistanke eller kjennskap til at ein som arbeider på skolen, krenker ein elev. Departementet meiner at det er meir tenleg å bruke omgrepet skjerpa plikt til å melde frå enn skjerpa aktivitetsplikt i overskrifta til forslaget § 12-5, for å gjere tydeleg at dei ordinære delpliktene i aktivitetsplikta etter lovforslaget § 12-4 også gjeld i saker der ein elev har vorte krenkt av ein som arbeider på skolen, og for å gjere tydeleg kva § 12-5 i forslaget gjeld. I tillegg foreslår departementet å erstatte dagens omgrep «varsle» med «melde frå». I reglane om barnehagemiljø i barnehagelova blir omgrepet «å melde frå» brukt i staden for «å varsle» for å unngå forveksling med varslingsinstituttet etter arbeidsmiljølova. Departementet foreslår ei tilsvarande endring her. Endringa er berre av språkleg karakter og medfører inga endring i rettstilstanden. Departementet understrekar at plikta til å melde frå i skolemiljøsaker ikkje må forvekslast med meldeplikta ein har til barnevernet, sjå lovforslaget § 24-3 og barnevernslova § 13-2.

#### *Terskel for plikta til å melde frå*

Departementet foreslår å innføre ein terskel for plikta til å melde frå i tråd med forslaget frå opplæringslovutvalet. Forslaget inneber at rektor skal gi melding til kommunen eller fylkeskommunen med mindre meldinga er openbert grunnlaus.

Som utvalet peikar på, kan det finnast saker der det er unødvendig og lite tenleg at kommunen blir involvert fordi påstanden om at ein tilsett har krenkt ein elev, er openbert grunnlaus – anten fordi han klart ikkje er sann, eller fordi han gjeld eit forhold som klart ikkje er ei krenking etter lova. Opplæringslovutvalet nemner som døme saker der ein lærar iretteset ein elev som vippar på stolen, og der eleven av denne grunn hevdar seg krenkt. Det er openbert at dette ikkje utgjer ei krenking etter lova. Departementet viser elles til drøftinga av kreningsomgrepet i punkt 33.4.4 og i merknadene til lovforslaget § 12-3. Det kan også tenkjast tilfelle der det er umogleg at ei krenking kan ha skjedd, sjølv om påstanden objektivt utgjer ei krenking, til dømes fordi den aktuelle tilsette

ikkje var til stades på skolen på tidspunktet krenkinga blir påstått å ha skjedd.

Departementet understrekar at det er viktig at reglane varetak rettstryggleiken både til elevane og lærarane. Departementet er samd med dei høyningsinstansane som framhevar at det bidreg til rettstryggleiken til lærarane at kreningsomgrepet er objektivt. Det er ikkje nødvendigvis slik at ein tilsett har krenkt ein elev sjølv om eleven kjenner seg krenkt. Forhold som ikkje gjeld mistanke om eller kjennskap til krenkingar, skal ikkje meldast vidare. Ei innføring av ein terskel for plikta til å melde frå vil derfor ikkje endre rettstilstanden nemneverdig frå i dag.

Departementet legg likevel vekt på at ein lovfestar terskel for plikta til å melde frå kan bidra til å rette opp i misforståingar knytte til forståinga av regelverket og dermed for rettstryggleiken til læraren.

Nokre høyningsinstansar viser til at ei innføring av ein terskel kan skape nye problemstillinger for skolane og lærarane ved at rektor skal gjere ei førehandsvurdering av om meldinga er grunnlaus eller ikkje. For lærarar som opplever at ei sak dei er involverte i, blir meld vidare, kan det opplevast endå meir ubehageleg dersom rektor har gjort ei førehandsvurdering av at dette ikkje er eit openbert grunnlaus varsel. I tillegg er det ein risiko for at det kan utvikle seg ulik praksis på skolane for kva som blir rekna som openbert grunnlaus.

Departementet viser til at forslaget om at rektor kan undersøke ei melding frå dei tilsette før rektor melder vidare til kommunen, er avgrensa til ei rask undersøking for å vurdere om meldinga er openbert grunnlaus. Undersøkinga vil avgrense seg til å avdekke tilfelle der det openbert ikkje er tale om ei krenking, eller der det er openbert at påstanden om krenking ikkje er sann. At ei melding ikkje er funnen å vere openbert grunnlaus, inneber ikkje at rektor har funne at det er hald i henne eller at rektor har tatt stilling til saka, berre at det skal meldast vidare.

Det skal mykje til for å vurdere ei melding som grunnlaus, men ein slik terskel gjer likevel at skolane kan la vere å involvere kommunen eller fylkeskommunen i saker der den aktuelle tilsette openbert ikkje har krenkt eleven. Med desse avgrensingane meiner departementet at ein slik terskel ikkje vil svekkje rettstryggleiken for elevane eller gjere sakene meir ubehagelege for lærarar eller rektor.

Departementet meiner vidare at det ikkje bør innførast ein rett for tilsette til å uttale seg i samband med at kommunen eller fylkeskommunen

får melding. Tilsette som blir påstått å ha krenkt ein elev, vil uansett få høve til å uttale seg gjennom plikta skolen har til å undersøke saka nærare. Dette gjeld også i dag.

Departementet forstår at det kan ha ein pedagogisk effekt å inkludere i loveteksten at meldinga til fylkeskommunen eller kommunen bør skje i samarbeid med eleven. Departementet meiner likevel at dette ikkje bør takast inn, ettersom lovforlaget har eigne reglar om medråderetten og retten eleven har til å bli høyrd, sjá lovforlaget § 10-2 og vurderingane til departementet i punkt 21.5.1. Elevane har rett til medverknad i alt som gjeld dei sjølve etter opplæringslova. Elevane skal få tilstrekkeleg og tilpassa informasjon og har rett til å ytre meiningane sine fritt og bli høyrt, og meiningane til elevane skal vektleggjast i samsvar med alderen og modnaden til eleven. Dette inneber at saka ikkje skal meldast til kommunen eller fylkeskommunen utan at eleven er kjend med det og har fått høve til å uttale seg om hen ønskjer det. Meininga til eleven skal i den samanhengen vektleggjast i samsvar med alderen og modnaden til eleven.

#### *Framleis ein eigen paragraf om plikt til å melde frå*

Departementet meiner at plikta til å melde frå ved mistanke om krenkingar frå tilsette framleis bør plasserast i ein særskild paragraf og ikkje i den ordinære paragrafen om aktivitetsplikta. Paragrafen om aktivitetsplikt er allereie lang. Det er tale om ei særskild plikt til å melde frå til kommunen og fylkeskommunen som ikkje gjeld i andre tilfelle. Departementet ser det derfor slik at plikta til å melde frå framleis bør regulerast i ein eigen paragraf.

Departementet vil peike på at krava som følger av den alminnelege aktivitetsplikta i forslaget til § 12-4, også gjeld i samband med den skjerpa plikta til å melde frå i § 12-5 i lovforlaget. Departementet foreslår å presisere at undersøkingar og tiltak skal setjast i verk snarast ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skolen, sjá forslaget til § 12-4 andre ledd. Det er derfor ikkje nødvendig å vidareføre presiseringa om at undersøkingar og tiltak skal setjast inn straks i paragrafen om skjerpa plikt til å melde frå. Sjølv om omgrepene snarast i utgangspunktet kan indikere ein noko lågare terskel enn straks, vil framleis undersøkingar og tiltak i saker som gjeld krenkingar av ein elev frå ein som arbeider på skolen, bli sett i gang så fort som mogleg. Departementet viser til at «snarast» er eit relativt omgrep, og at alvorsgraden i saker som gjeld krenkingar

frå ein som arbeider på skolen, tilseier at det alltid bør vere mogleg å setje i gang undersøkingar i slike saker omgående. Endringa i ordlyd er altså ikkje meint å innebere eit romslegare krav til framdrifta i korleis slike saker blir handterte, enn etter dagens reglar.

### **33.7.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å vidareføre den skjerpa plikta til å melde frå for tilfelle der det er mistanke om eller kjennskap til at ein tilsett krenker ein elev, sjá forslaget til § 12-5
- å innføre ein terskel for å sende melding til kommunen eller fylkeskommunen, sjá forslaget til § 12-5

### **33.8 Myndet statsforvaltarane har til å handheve plikta til å sikre eit trygt og godt psykososialt miljø (handhevingsordninga)**

#### **33.8.1 Dagens reglar**

Den såkalla handhevingsordninga er nærare regulert i § 9 A-6.

Handhevingsordninga gir elevar og foreldre rett til ei rettsleg overprøving hos statsforvaltaren av om skolen har oppfylt plikta si i ei enkeltsak til å sikre at eleven har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø (aktivitetsplikta) etter §§ 9 A-4 og 9 A-5. Elevar eller foreldre kan melde saka si til statsforvaltaren dersom dei meiner at skolen ikkje gjer nok for å sikre eleven eit trygt og godt skolemiljø. Statsforvaltaren skal ta stilling til om skolen har oppfylt aktivitetsplikta. Statsforvaltaren kan også påleggje skolen å gjennomføre konkrete tiltak innan ein bestemt frist.

Avgjerda til statsforvaltaren er eit enkeltvedtak som eleven kan klage på. Utdanningsdirektoratet er klageinstans for statsforvaltarvedtaket. Kommunen og fylkeskommunen har ikkje klagerett. For å sikre gjennomføringa av statsforvaltarvedtaket kan kommunane og fylkeskommunane bli ilagde tvangsmulkt, jf. § 9 A-13.

I enkelte tilfelle skal statsforvaltaren avvise saker som er melde inn, jf. § 9 A-6 andre ledd. Dersom saka ikkje er teken opp med rektor, eller om det er under ei veke sidan saka vart teken opp, skal statsforvaltaren avvise saka, med mindre særlege grunnar gjer dette urimeleg. Det same gjeld dersom saka ikkje gjeld skolemiljøet på skolen der eleven går når saka blir meld til statsforvaltaren.

Departementet vil dessutan gjere merksam på at Diskrimineringssnemnda (og domstolane) kan behandle spørsmål om leiinga i utdanningsinstitusjonar har oppfylt plikta si til å «forebygge og søke å hindre» trakkassering og seksuell trakkassering etter likestillings- og diskrimineringslova § 13 sjette ledd.

### **33.8.2 Høyringsforslaget**

Departementet foreslo

- å vidareføre handhevingsordninga med enkelte endringar:
  - å lovfeste at statsforvalteren skal avvise saker der eleven ikkje lenger går på den aktuelle skolen
  - at statsforvaltaren berre skal ta stilling til om skolen har oppfylt plikta til å rette opp i situasjonen med eigna tiltak (tiltaksplikta) og plikta til å utarbeide skriftleg plan for tiltaka
  - å ikkje vidareføre eigne reglar om høyring av eleven og det beste for eleven i samband med handhevingsordninga, ettersom departementet foreslo generelle reglar om dette
  - å ikkje vidareføre presiseringa om at kommunale og fylkeskommunale ikkje har klagerett i handhevingssaker

Med dette høyringsforslaget følgde departementet delvis opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 36. Opplæringslovutvalet foreslo å avgrense vedtakskompetansen statsforvaltaren har til å påleggje kommunen eller fylkeskommunen å rette forholdet i saker der aktivitetsplikta ikkje er oppfylt, med mindre det ville forseinkaka sak unødig berre å gi pålegg om retting, eller dersom det er grunn til å tru at forholdet ikkje vil bli retta. I høyringa foreslo departementet å ikkje avgrense vedtakskompetansen til statsforvaltaren. Opplæringsutvalet foreslo også å ta inn i lova at statsforvaltaren skal avgjere om aktivitetsplikta er oppfylt, for å bidra til at eleven får det trygt og godt på skolen. Departementet gjekk ikkje vidare med denne formuleringa i høyringa. Departementet foreslo i staden at statsforvaltaren berre skal ta stilling til om skolen har oppfylt plikta til å rette opp i situasjonen med eigna tiltak (tiltaksplikta) og plikta til å utarbeide skriftleg plan for tiltaka.

### **33.8.3 Generelt om handhevingsordninga**

#### *33.8.3.1 Høyringsinstansanes syn*

Om lag 65 høyringsinstansar har uttalt seg om ulike aspekt ved handhevingsordninga. Alle støttar ei vidareføring heilt eller delvis av ordninga. Departementet har ikkje registrert nokon høyringsinnspele som tek til orde for å gå tilbake til ordninga med klagesaker etter opplæringslova § 9 A-3 som gjaldt fram til 1. august 2017, før handhevingsordninga vart innført. Dei meir spesifikke innspele til handhevingsordninga blir samanfatta og blir diskuterte i samband med dei følgjande punkta nedanfor (33.8.4 til 33.8.6).

#### *33.8.3.2 Departementets vurdering*

Departementet foreslår å vidareføre handhevingsordninga til statsforvaltarane. Formålet med handhevingsordninga er å sikre elevar og foreldre ei moglegheit til å få saka si prøvd av ei styresmakt utanfor skolen og at styresmakta har verkemiddel og mynde til å sørge for at skolesituasjonen til eleven blir endra når det er nødvendig. Departementet meiner at det framleis er behov for eit sikringsnett som kan fange opp dei sakene skolen sjølv ikkje klarer å løyse raskt og rett.

Departementet foreslår å vidareføre at det er statsforvaltaren som er handhevingsstyresmakt. Statsforvaltaren har gjennom dei siste åra opparbeidd seg erfaring som handhevingsstyresmakt og har også andre viktige og sentrale oppgåver etter opplæringslova. Departementet meiner vidare at det er ein stor fordel at statsforvaltaren er ein større organisasjon som har rettleatings- og kontrolloppgåver retta mot fleire sektorar. At statsforvaltaren er tett på kommunar i samband med både skole, barnehagar, barnevern og helse, er ein styrke. Dette gjer det mogleg å sjå fleire sider av ei sak, både for å følgje opp sakene til kvart enkelt barn og for å følgje opp kommunen på eit meir overordna nivå. Til sist er det eit tungtvegande argument at statsforvaltaren er desentralisert og dermed i større grad har både lokalt nærvær og lokalkunnskap enn ein sentralt plassert instans.

Handhevingsordninga er ei rettsleg overprøving av om skolen har oppfylt plikta si overfor enkeltleverar, der statsforvaltarane blir gitt mynde til å sørge for at skolane oppfyller pliktene sine. Handhevingsordninga har dermed ein annan funksjon enn lokale tilbod som beredskapsteam, ambulerande team o.l., som varetok lokale behov for raskt og rett å finne løysingar i mobbe- og skolemiljøsaker.

Deloittes evaluering av opplæringslova kapittel 9 A viser at mange elevar og foreldre nyttar seg av handhevingsordninga. Dette kan ifølgje Deloitte i seg sjølv tyde på at ordninga blir opplevd som enkel og brukarvennleg for elevar og foreldre, i tråd med intensjonen i lovverket. Rapporteringa til statsforvaltarane om saksbehandlinga si til Utdanningsdirektoratet i perioden hausten 2017 til våren 2022 viser at statsforvaltarane konkluderer med at aktivitetsplikta er broten i om lag ni av ti saker som blir realitetsbehandla. Dette taler for at for mange skolar framleis gjer for lite for å sikre retten enkeltelevar har til eit trygt og godt skolemiljø. Departementet meiner at prosentdelen der det blir konkludert med brot, viser at det framleis er eit stort behov for ein effektiv overprøvingsinstans.

Samtidig viser Deloittes evaluering at foreldre har delte erfaringar med om involveringa til statsforvaltaren bidreg til å betre situasjonen for barnet. Til dels lang saksbehandlingstid hos statsforvaltaren stirr mot intensjonen om ei rask ordning og kan ifølgje Deloitte kanskje vere ei av årsakene til at foreldre i ulik grad opplever at handhevingsordninga bidreg til å betre situasjonen. Ifølgje Utdanningsdirektoratet er saksbehandlingstida i handhevningssakene ei utfordring. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i 2019 var 71 dagar, og i 2020 var ho 76 dagar. Saksbehandlingstida har auka til 82 dagar i 2021.

Ifølgje Deloittes evaluering opplever fleire kommunar og skolar at statsforvaltaren ofte einsidig belyser saka frå perspektivet til eleven og foreldra. Det blir opplevd i ein del saker som at dei faglege vurderingane til skolen og kommunen blir underkjende, og at andre involverte ikkje blir høyrd.

Sjølv om departementet meiner at ordninga i stor grad har fungert etter hensikta si, meiner departementet at det er behov for å gjere enkelte endringar i ordninga for å sørge for at saksbehandlingstida blir lågare, slik at endå fleire elevar og foreldre kan få rask og god hjelp. Desse forslaga blir diskuterte i dei etterfølgjande underpunktata.

### 33.8.3.3 Departementets forslag

Departementet foreslår å vidareføre handhevingsordninga til statsforvaltarane, sjå lovforslaget til § 12-6.

## 33.8.4 Statsforvaltaren sitt grunnlag for å avvise ei skolemiljøsak

### 33.8.4.1 Høyringsinstansanes syn

Det er berre eit fåtal av høyringsinstansane som har merknader til forslaga til avisingsgrunnlag. Dei få innspela som har komme, blir behandla tematisk nedanfor.

*Statsforvaltaren i Oslo og Viken* meiner at det ikkje er tydeleg kva som ligg i kravet om at saka må vere teken opp med rektor, og etterlyser ei tydeleggjering av dette.

*Statsforvaltaren i Oslo og Viken* opplyser at statsforvaltaren får og behandlar saker som er melde inn få dagar før eller på siste skoledag før eleven sluttar på skolen, til dømes før sommarferien ved utgangen av 7. eller 10. klasse. Statsforvaltaren har stor forståing for at elevar og føresette ønskjer å få saka behandla sjølv om eleven ikkje lenger skal gå på skolen, men peikar samtidig på at behandlinga av desse sakene bidreg til lengre saksbehandlingstid for dei andre sakene der eleven framleis går på skolen og treng hjelp.

*Statsforvaltaren i Oslo og Viken* opplyser også at statsforvaltaren har fått saker der eleven av ulike grunnar får det bra i løpet av saksbehandlingstida. Statsforvaltaren påpeikar at i slike saker vil ikkje ei realitetsbehandling handle om å hjelpe eleven framover, men heller å kontrollere etterlevinga av reglane. Statsforvaltaren etterlyser synet til departementet på om statsforvaltaren skal behandle saka i tilfelle der eleven framleis går på same skole og har det bra sjølv om bakgrunnen for behandlinga berre er at foreldra ønskjer dette.

*Statsforvaltaren i Agder* meiner det bør givast døme i forarbeida på særlege grunnar til å behandle ei sak sjølv om vilkåra for behandling av saka hos statsforvaltaren ikkje er oppfylte.

### 33.8.4.2 Departementets vurdering

#### Avvisingsgrunnlaget «dersom saka ikkje er teken opp med rektor»

Departementet foreslår at saka skal avvisast der som saka ikkje er teken opp med rektor. Formålet med kravet er å sikre at rektor blir kjend med saka og kan involvere seg før ho går til statsforvaltaren (den gong fylkesmannen), jf. Prop. 57 L (2016–2017), s. 41. Det er tilstrekkeleg at eleven og foreldra kan vise overfor statsforvaltaren at det er sannsynleg at saka er teken opp med rektor. Det blir ikkje stilt formkrav til korleis saka skal takast opp med rektor eller meldast til statsforvaltaren.

Dersom rektor har delegert oppgåva til ein tilsett, og eleven eller foreldra har meldt saka til den tilsette, vil kravet om at saka må vere teken opp med rektor, vere oppfylt. Dette gjeld også tilfelle der den tilsette ikkje har vidareformidla saka til rektor.

Dersom rektor ikkje har delegert oppgåva med å behandle skolemiljøførespurnader til ein tilsett, må eleven eller foreldra ta kontakt med rektor for at kravet skal vere oppfylt, om ikkje saka er tatt opp med rektor av ein tilsett.

Departementet understrekar at kravet om at saka må vere teken opp med rektor, ikkje omfattar tilfelle der meldinga om krenking gjeld rektor eller ein annan ein i skoleleiinga. I slike tilfelle er det etter synet til departementet urimeleg å krevje at eleven eller foreldra skal ta saka opp med rektor først. Departementet viser til den tilsvarende regelen om plikt til å melde frå som er foreslått i § 12-5 andre ledd (jf. punkt 33.7 over):

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein i leiinga ved skolen krenker ein elev, skal vedkommande melde frå til kommunen eller fylkeskommunen direkte.

Departementet meiner at det tilsvarende ikkje kan krevjast at ein elev eller forelder skal melde frå om at eleven ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, når det er nokon i skoleleiinga som krenker eleven. I slike tilfelle kan eleven og foreldra melde frå til statsforvaltaren utan først å ha meldt frå til rektor.

#### *Avvisingsgrunnlaget «dersom eleven ikkje lenger går på den aktuelle skolen»*

Departementet foreslår at saka skal avvisast «dersom eleven ikkje lenger går på den aktuelle skolen». Til samanlikning lyder den tilsvarende regelen i dag «dersom saka ikkje gjeld skolemiljøet på skolen der eleven går *når saka blir meld til statsforvaltaren*» (kursivert her), jf. dagens § 9 A-6 andre ledd.

Endringane som blir foreslått i myndet statsforvaltaren har til å handheva plikta til å sikre eit trygt og godt psykososialt skolemiljø, har til felles at dei søker å gjere ordninga meir effektiv. Målet er å hjelpe eleven til å få det betre framover, ikkje å fastslå historiske lovbro.

Departementet ser det slik at det ikkje vil vere grunnlag for å behandle ei skolemiljøsak dersom eleven ikkje lenger går på den aktuelle skolen. Ei vurdering av om skolen har oppfyllt plikta til å

sikre eit trygt og godt psykososialt skolemiljø, vil i eit slikt tilfelle berre vere tilbakeskodande. Departementet ser at det kan vere nyttig for skolane, kommunane og fylkeskommunane å få vite om det ligg føre brot på aktivitetsplikta i historiske saker. Statsforvaltarens vurdering av slike saker kan gjere skolane betre rusta til å handtere liknande saker neste gong dei oppstår. Departementet meiner likevel at det er meir effektivt at ressursane til å handtere enkeltsaker blir brukte på aktive saker, som kan få konkret betydning for enkeltelevar. Ettersom saksbehandlingstida hos statsforvaltaren etter synet til departementet er for lang, meiner derfor departementet at saker der eleven ikkje går på den aktuelle skolen, skal avvisast eller ikkje lenger behandlast.

Departementet vil likevel understreke betydninga av at saker blir behandla raskt hos statsforvaltaren, slik at statsforvaltaren unngår at saka ikkje blir ferdigbehandla før eleven sluttar på skolen.

Departementet foreslår å lovfeste at eleven faktisk må gå på skolen for at statsforvaltaren skal kunne behandle saka. Departementet meiner at forståinga nemnd ovanfor følgjer av ei naturleg tolking av ordlyden som vart foreslått i høyringa, og foreslår ingen endringar i denne ordlyden.

#### *Skal statsforvaltaren behandle saka dersom eleven har fått eit trygt og godt skolemiljø?*

Etter vurderinga til departementet skal statsforvaltaren avslutte saka dersom eleven har fått eit trygt og godt psykososialt skolemiljø undervegs i saksbehandlingstida. Departementet er samd i påpeikninga fra *Statsforvaltaren i Oslo og Viken* av at behandling av saker der eleven har fått det bra, ikkje handlar om å hjelpe eleven framover, men å kontrollere etterlevinga av reglane.

Det følgjer av lovforslaget § 12-6 første ledd at vilkåret for å få saka behandla av statsforvaltaren er at eleven ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Departementet meiner at dette vilkåret også må vere oppfylt undervegs i saksbehandlinga til statsforvaltaren. Departementet viser vidare til at statsforvaltaren berre skal ta stilling til om skolen har oppfyllt plikta til å rette opp i situasjonen med eigna tiltak (tiltaksplikta) og plikta til å utarbeide ein skriftleg plan for tiltaka, sjå drøftinga til departementet i punkt 33.8.5 nedanfor om dette. Dersom eleven har fått det trygt og godt undervegs i saksbehandlingstida, vil det ikkje lenger vere nokon tiltak eller plan som statsforvaltaren skal overprøve.

Det er korleis eleven sjølv opplever skolemiljøet, som må leggjast til grunn for vurderinga. Departementet understrekar likevel at det må stilst last strenge krav til å avvise eller avslutte behandlinga på bakgrunn av at ein elev har fått eit trygt og godt skolemiljø igjen. Ein elev kan føle at situasjonen har forbetra seg for ein kortare periode, utan at det underliggjande skolemiljøproblemet er løyst, og det kan også finnast tilfelle der ein elev ikkje tør å gi uttrykk for korleis han eigentleg har det. Departementet meiner at eleven og foreldra aktivt må informere statsforvaltaren om at eleven har fått det trygt og godt igjen slik at saka derfor kan avsluttast, for at statsforvaltaren skal kunne avslutte eller avvise saka på dette grunnlaget.

#### *Særlege grunnar til å behandle ei sak sjølv om vilkåra for å avvise skolemiljøsaka er oppfylte*

Det følgjer av § 9 A-6 andre ledd at statsforvaltaren skal avvise saker i dei lovfesta tilfella med mindre særlege grunnar gjer dette urimeleg. Departementet foreslår å vidareføre dette unntaket.

Opplæringslovutvalet viser til at unntaket er ein sikringsventil, slik at saker som er svært alvorlege og tidssensitive, kan takast til behandling sjølv om vilkåra for avvisning er oppfylte. Utvalet understreka at det skal vere ein viss terskel for å ta saker som i utgangspunktet skal avvisast, til behandling, jf. NOU 2019: 23, s. 459–460. Unntaket vart introdusert av Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen, som uttalte at unntaket kan komme til bruk i til dømes saker som gjeld alvorlege valdshandlingar eller seksuelle krenkingar, jf. Innst. 302 L (2016–2017), s. 8. Departementet er samde i desse betraktingane, og denne rettstilstanden vil førast vidare med lovforslaget.

#### *33.8.4.3 Departementets forslag*

Departementet foreslår

- å lovfeste at statsforvaltaren skal avvise saker om ikkje er tekne opp med rektor, saker som det er under ei veke sidan vart tekne opp, og saker der eleven ikkje lenger går på den aktuelle skolen, sjå forslaget til § 12-6 andre ledd andre punktum
- å vidareføre at avvisning likevel ikkje skal skje dersom det er særlege grunnar til å behandle saka, sjå forslaget til § 12-6 andre ledd andre punktum

### **33.8.5 Kva statsforvaltaren skal ta stilling til**

#### *33.8.5.1 Høyningsinstansanes syn*

Om lag 40 høyningsinstansar har uttalt seg, og om lag 30 høyningsinstansar er positive til å avgrense vurderinga til statsforvaltaren til tiltaksplikta og plikta til å utarbeide ein skriftleg plan.

Fleirtalet av statsforvaltarane og kommunane som uttaler seg, støttar forslaget. *Fredrikstad kommune* viser til at dagens ordning inneber lang saksbehandlingstid, opptil seks månader, og at denne kan kortast ned dersom den foreslår avgrensinga blir innført. Andre kommunar påpeikar at det primære målet med handhevingsordninga er å hjelpe elevar i den situasjonen dei er i, ikkje å kontrollere om skolen har etterlevd regelverket. Fleire høyningsinstansar har påpeika at det siste kan løysast betre med tilsyn.

Enkelte høyningsinstansar meiner at statsforvaltaren også bør ha høve til å vurdere plikta til å undersøkje saka når ein elev seier frå om at han eller ho ikkje har det bra (ofte kalla undersøkingsplikta). *Statsforvaltaren i Trøndelag* er blant desse og påpeikar at vurderinga av både undersøkingsplikta og tiltaksplikta utgjer ein prosess som er viktig for å vareta dei prosessuelle rettane til eleven. *Statsforvaltaren i Oslo og Viken* meiner at det er uklart kva departementet meiner når det foreslår at statsforvaltaren berre skal ta stilling til tiltaksplikta og plikta til å utarbeide ein skriftleg plan, all den tid departementet i grunngivinga for forslaget i høyringa knyter vurderinga opp mot undersøkingsplikta.

*Utdanningsdirektoratet* påpeikar at plikta til å undersøkje saka og plikta til å retta opp i situasjonen med eigna tiltak er tett kopla saman. På grunn av den tette koplinga mellom desse to pliktene er *Utdanningsdirektoratet* usikker på om det alltid vil vere tilstrekkeleg at statsforvaltaren berre vurderer tiltaksplikta (og plikta til å lage ein skriftleg plan). Dersom skolen ikkje har komme med tilstrekkelege eller eigna tiltak fordi skolen ikkje har gjort tilstrekkelege undersøkingar, kan ei slik avgrensing føre til at det tek lengre tid før skolen får fastsett tiltak. Dersom statsforvaltaren kjem til at skolen ikkje har oppfylt tiltaksplikta, meiner *Utdanningsdirektoratet* at det vil vere til det beste for eleven om statsforvaltaren også vurderer om skolen har oppfylt undersøkingsplikta. På denne måten kan statsforvaltaren påleggje skolen å gjennomføre vidare undersøkingar slik at skolen raskare kan fastsetje eigna tiltak i saka.

*Barneombodet* meiner prinsipalt at undersøkingsplikta også burde vere med i opplistinga i § 12-6 i lovforslaget. *Barneombodet* ser likevel at

dette indirekte vil bli vurderte, og at det vil få konsekvensar om undersøkingsplikta ikkje er oppfylt. Dersom ikkje undersøkingsplikta eksplisitt blir lista opp i lova, forstår departementet *Barneombodet* slik at det er viktig at det blir gitt god rettleiing om dette punktet.

### **33.8.5.2 Departementets vurdering**

Å avgrense kva delplikter statsforvaltaren skal vurdere, kan bidra til å avgrense saksbehandlings-tida. Det primære målet med handhevingsordninga er å hjelpe elevar i den situasjonen dei er i, og ikkje å kontrollere om skolen har etterlevd regelverket. Departementet meiner at ei avgrensing av kva delplikter statsforvaltaren skal vurdere, kan bidra til at fleire elevar får hjelp raskare. Statsforvaltaren er tilsynsmakt og har derfor moglegheita til å føre tilsyn med kommunane og fylkeskommunane når statsforvaltaren vurderer det slik at det er ytterlegare behov for å kontrollere om regelverket blir etterlevd. Statsforvaltaren kan også gi rettleiing til kommunar, fylkeskommunar og skolar dersom saker som blir melde inn, viser at det er behov for det.

Departementet foreslår derfor at vurderinga til statsforvaltaren i skolemiljøsaker skal avgrensast til om skolen har oppfylt plikta til å retta opp situasjonen med eigna tiltak (tiltaksplikta) etter forslaget til § 12-4 andre ledd og plikta til å utarbeide ein skriftleg plan for tiltaka etter forslaget til § 12-4 tredje ledd, sjå forslaget til § 12-6 andre ledd.

For å kunne ta stilling til om skolen har oppfylt plikta til å rette opp situasjonen med eigna tiltak og plikta til å utarbeide ein skriftleg plan for tiltaka, må statsforvaltaren ha eit tilstrekkeleg kunn-skapsgrunnlag til å gjennomføre vurderinga. Dette inneber at statsforvaltaren også må ta stilling indirekte til om skolen har vareteke undersøkingsplikta. Dersom skolen ikkje har oppfylt undersøkingsplikta, vil statsforvaltaren normalt ikkje ha grunnlag for å ta stilling til om tiltaksplikta er oppfylt, ettersom tiltak må veljast basert på gode nok undersøkingar. I slike tilfelle kan statsforvaltaren returnere saka og samtidig påleggje skolen å undersøke saka nærmare og setje i verk tiltak. Eller, dersom det er mogleg, kan statsforvaltaren sjølv sørge for å få saka godt nok opplyst til å kunne ta stilling til saka.

Sjølv om statsforvaltaren i praksis ofte må undersøke om skolen har gjort gode nok undersøkingar, ønsker departementet ikkje å lorfeste at statsforvaltaren skal ta stilling til om skolen har oppfylt undersøkingsplikta. Ein slik regel vil sig-

nalisere at undersøkingsplikta skal vurderast for sin eigen del. I mange tilfelle vil skolen ha avdekt det faktumet som vurderinga av tiltak skal byggje på, utan at statsforvaltaren treng å gjere noka nærmare vurdering av undersøkingsplikta i avgjerda si. Departementet meiner at statsforvaltaren berre skal undersøke om undersøkingsplikta er vareteken i den utstrekninga det er nødvendig for å kunne ta stilling til tiltaks- og planplikta.

### **33.8.5.3 Departementets forslag**

Departementet foreslår at vurderinga til statsforvaltaren i skolemiljøsakene skal avgrensast til å ta stilling til om skolen har oppfylt plikta til å rette opp situasjonen med eigna tiltak (tiltaksplikta) og plikta til å utarbeide ein skriftleg plan for tiltaka, sjå forslaget til § 12-6 andre ledd første punktum.

## **33.8.6 Kva vedtak statsforvaltaren skal gjere**

### **33.8.6.1 Høyringsinstansanes syn**

Om lag 50 høyringsinstansar har uttalt seg om spørsmålet. Høyringsinstansane er delte i sitt syn på departementets forslag om å vidareføre moglegheita til å gi konkrete pålegg.

Dei fleste kommunane ønsker ikkje at statsforvaltaren skal kunne gjere vedtak om kva skolen skal gjere. Enkelte kommunar føretrekkjer forslaget frå opplæringslovutvalet.

KS ønsker heller ikkje ei vidareføring av at statsforvaltaren skal kunne gjere vedtak om kva skolane skal gjere. KS peikar på at dette er i strid med nærlieksprinsippet i kommunelova § 2-2 andre ledd. KS meiner også at ordninga er problematisk ut frå nyare tenking om mobbing og skolemiljø. KS har fått tilbakemeldingar frå kommunar om pålegg knytt til bestemte tilsette og at pålegga også kan gå langt ut over det som kjennest rett at ein lærar skal kunne påleggjast. Etter synet til KS vedkjem problemstillinga også forholdet til kommunen som arbeidsgivar ved at statsforvaltaren overstyrer styringsretten til arbeidsgivar.

*Oslo kommune* meiner at skolen/kommunen er nærest eleven og dermed har betre føresetnader til å finne tiltak som bidreg til å gi eleven eit trygt og godt skolemiljø. *Oslo kommune* viser til at departementet i høyringa på same måten som opplæringslovutvalet ønsker at statsforvaltaren berre unntaksvis skal vedta konkrete tiltak, men at departementet ikkje tydeleg opplyser om i kva tilfelle statsforvaltaren skal kunne vedta konkrete tiltak. *Oslo kommune* meiner at det bør komme fram av ordlyden i lova at statsforvaltaren som

hovudregel skal påleggje kommunen å rette forholda, men overlate til kommunen å vurdere kva tiltak som er eigna for å rette forholda, og at det blir opplyst under kva omstende statsforvaltaren skal kunne vedta kva tiltak som skal setjast i verk. Kommunen viser til forslaget opplæringslovutvalet har til tilsvarande regel.

Det er likevel også fleire kommunar som støttar departementets forslag. *Kristiansand kommune* er blant desse, men legg til at det bør vurderast å innføre ein rett for kommunen til å uttale seg i saker der statsforvaltaren pålegg konkrete tiltak:

Kristiansand kommune er positive til at departementet ikke har fulgt opp opplæringslovsutvalgets forslag om å begrense statsforvalterens myndighet i håndhevingssaker. Kristiansand kommune mener at statsforvalteren skal ha myndighet til å vedta konkrete tiltak, da det erfaringmessig er kompliserte saker, hvor både tillitten er redusert, og mange tiltak alle rede forsøkt. Det kan derfor også for kommunens del, være positivt at statsforvalteren er konkrete i sine pålegg. I komplekse saker som involvere mange barn, ser vi imidlertid at det er en risiko for at statsforvalteren fatter vedtak med tiltak, uten å ha et godt nok bilde over saken. Kristiansand kommune ønsker derfor at det vurderes å innføre en plikt til at kommunen skal kunne uttale seg før vedtak, der statsforvalteren pålegger konkrete tiltak.

Statsforvaltarane er gjennomgåande positive til forslaget om å vidareføre retten statsforvaltarane har til å fastsetje konkrete tiltak overfor kommunen og fylkeskommunen. *Statsforvaltaren i Nordland* erfarer at det i mange saker har oppstått djup mistillit i skole-heim-samarbeidet, og at skolen har mista truverdet overfor foreldre som har gitt opp åtru at skolen vil handle adekvat i skolemiljøsaka. Statsforvaltaren framhevar at i slike tilfelle kan statsforvaltaren i kraft av den uhilda rolla si oppstre som ei «bru» for foreldra tilbake til skolen når det viktige reparasjonsarbeidet mellom skole og heim skal skje. *Statsforvaltaren i Oslo og Viken* peikar på at skolemiljøsaker blir melde til dei fordi melder manglar tillit til skolen og skoleeigar (dvs. kommunen og fylkeskommunen), og er derfor positiv til at regelen blir vidareført. Etter synet til statsforvaltaren er dagens regelverk eigna til å vareta skolen og skoleeigar. Statsforvaltaren er også samd i at det er skolen og skoleeigar som står nærest saka, og at statsforvaltaren derfor bør vere varsam med å vedta detaljerte tiltak, med

mindre det er nødvendig for å løyse problemet for eleven raskt og effektivt.

*Barneombodet* støttar også forslaget og viser i stor grad til grunngivinga til Statsforvaltaren i Oslo og Viken. I tillegg påpeikar *Barneombodet* at ei innstramming av moglegheit statsforvaltarane har til å gjere vedtak med pålegg til skoleeigar, kan undergrave tilliten til handhevingsordninga og svekkje rettstryggleiken til elevane.

*Utdanningsforbundet* støttar også departementets forslag og støttar vidare at departementet skal gjere tydeleg korleis regelen blir nytta. *Utdanningsforbundet* legg i samband med dette til grunn at det blir klargjort at statsforvaltaren ikkje skal kunne gjere vedtak som set rettane lærarane har etter arbeidsmiljølova, til side.

### 33.8.6.2 Departementets vurdering

Eit av temaa som både opplæringslovutvalet og departementet har teke stilling til, er i kva grad statsforvaltarens moglegheit til å påleggje kommunen og fylkeskommunen å gjennomføre konkrete tiltak, bør avgrensast. Opplæringslovutvalet foreslo at statsforvaltarane som hovudregel bør påleggje kommunen å sjølv finne ei løysing som gir eleven eit trygt og godt skolemiljø. Statsforvaltarens vedtak vil då bli eit pålegg om retting, medan det blir overlate til kommunen å finne eigna tiltak. Utvalet meinte at statsforvaltaren framleis skulle ha høve til å vedta kva skolen skal gjere, i to tilfelle: Dersom det er grunn til å tru at kommunen eller fylkeskommunen ikkje vil oppfylle pålegget om retting, eller dersom det vil forseink saka unødig å berre påleggje kommunen eller fylkeskommunen å rette forholdet.

I høyringa uttalte departementet at det ikkje ønskte å avgrense vedtakskompetansen til statsforvaltaren. Departementet peika på at dagens regelverk er eigna til å vareta omsynet til skolane, kommunane og fylkeskommunane. Departementet foreslo derfor å vidareføre dagens reglar, men understreka at statsforvaltaren bør vise varsemd med å fastsetje detaljerte tiltak i enkeltsaker.

Kunnskapsgrunnlaget viser at det er stor variasjon i praksisen til statsforvaltaren når det gjeld vedtak i handhevingsordninga. Enkelte statsforvaltarar gjer vedtak med svært konkrete og detaljerte tiltak, medan andre opplyser om meir generelle tiltak eller gjer vedtak nært opp til pålegg om retting og overlét dermed til skolen å finne fram til kva for nokre konkrete tiltak som skal setjast inn. Utdanningsdirektoratet er klageinstans for statsforvaltarvedtaket (delegerert frå departementet) og pålegg tidvis skolane konkrete tiltak i enkeltsaker.

Evalueringa av kapittel 9 A viser at kommunane og fylkeskommunane opplever det som utfordrande at statsforvaltaren eller Utdanningsdirektoratet gjer vedtak med konkrete og detaljerte tiltak i enkeltsaker. Bekymringa vart løfta av fleire aktørar, og ei av tilrådingane i rapporten var at det blir vurdert i kva grad det er tenleg at statsforvaltaren og Utdanningsdirektoratet skal ha mynde til å gjere slike konkrete og detaljerte vedtak.

Opplæringslovutvalet sitt forslag var grunnlagt i at kommunane, fylkeskommunane og skolane er nærmere eleven og saka og dermed har betre føresetnader for å vurdere situasjonen til eleven og skolemiljøet heilskapleg. Utvalet peika også på at kommunane og fylkeskommunane på denne måten må ta eit større ansvar for den vidare oppfølginga av saka, og at ei slik løysing kan vere tidssparande.

Departementet deler synet frå utvalet om at nærleik til eleven og saka er viktig for å finne gode løysingar. Skolen og kommunen eller fylkeskommunen vil normalt ha betre føresetnader enn statsforvaltaren til å finne tiltak som bidreg til å gi eleven eit trygt og godt skolemiljø, og vurdere korleis tiltaka kan påverke andre elevar og skolemiljøet elles. I forarbeida til revisjonen av kapittel 9 A er dette omsynet prøvd vareteke ved at det vart lagt til statsforvaltaren å vurdere konkret frå sak til sak om kommunane eller fylkeskommunane bør finne ei løysing i saka, eller om statsforvaltaren sjølv skal vedta kva tiltak som skal setjast inn. Det vart samtidig føresett at statsforvaltaren først og fremst skulle få kommunane eller fylkeskommunane (og skolane) til å finne eigna tiltak i desse sakene, men at ved tidsnød eller låg tillit til kommunane, fylkeskommunane eller skolane burde statsforvaltaren fastsetje tiltaka sjølv. Resultata frå evaluatingsrapporten indikerer mellom anna at dette ikkje var tilstrekkeleg vareteke gjennom praksis på evalueringstidspunktet.

Fleire av statsforvaltarane peikar på at skolemiljøsaker blir melde til statsforvaltaren fordi eleven eller foreldra manglar tillit til at skolen og kommunen eller fylkeskommunen klarer å løyse situasjonen. Departementet meiner dette er ei viktig betraktning. Erfaringar med den tidlegare klageordninga viste at mange opplevde at medhald i ei klage til statsforvaltaren ikkje hjelpte fordi skolen igjen skulle bestemme tiltaka. Dette vart opplevd som ein runddans mellom kommunane og fylkeskommunane og statsforvaltaren, medan situasjonen til eleven ikkje vart noko betre.

Departementet meiner likevel at vedtakskompetansen til statsforvaltaren bør avgrensast, og at

lovtteksten bør reflektere at statsforvaltaren skal utvise varsemd. Departementet meiner at forslaget frå opplæringslovutvalet om at statsforvaltaren som utgangspunkt skal påleggje retting, er best eigna til å vareta dette omsynet. Departementet ser det slik at unntaka opplæringslovutvalet har foreslått, dekkjer dei tilfella der det kan oppstå eit behov for at statsforvaltaren fastset eigne tiltak. Synet til departementet er at forslaget frå utvalet sikrar den faglege fridommen til førstelinja, og at handlingsrommet frå kommunane og fylkeskommunane ikkje blir avgrensa unødig, noko som også harmonerer med tillitsreforma i offentleg sektor. Samtidig sikrar forslaget at statsforvaltaren kan fastsetje tiltak i tilfelle der det er nødvendig.

Departementet foreslår derfor at statsforvaltaren som hovudregel skal påleggje kommunen eller fylkeskommunen å rette forholdet, men at statsforvaltaren kan vedta kva kommunen eller fylkeskommunen skal gjere dersom saka elles vil bli unødig forseinka, eller dersom det er grunn til å tru at kommunen eller fylkeskommunen ikkje kjem til å rette forholdet.

Departementet vil be Utdanningsdirektoratet om å gi nærmere rettleiing om regelen og om å følgje med på korleis regelen blir praktisert av statsforvaltarane.

Departementet vil samtidig gjere tydeleg at dei vedtaka statsforvaltaren gjer, ikkje kan gripe inn i styringsretten til kommunen og fylkeskommunen. Departementet viser særleg til betraktningane frå opplæringslovutvalet om dette, jf. NOU 2019: 23, s. 465:

Det er kommunen som arbeidsgiver, som er ansvarlig for å etterleve reglene i arbeidsmiljøloven. Utdanningsdirektoratet og fylkesmennene har ikke plikter etter arbeidsmiljøloven og heller ingen styringsrett overfor de ansatte i skolen. Dersom statlige myndigheter fatter vedtak som innebærer at kommunen må iverksette tiltak som de ikke har et lovlig grunnlag for, må kommunen enten bryte arbeidsmiljøloven eller la være å oppfylle skolemiljøvedtaket. Statlige myndigheter bør derfor være varsomme med å fatte vedtak som innebærer at det må gjennomføres spesifikke tiltak overfor en lærer. Det er ikke statlige myndigheters oppgave å vurdere hvor langt styringsretten til kommunen går. Statlige myndigheter må derfor utforme vedtakene slik at kommunen får et tilstrekkelig handlingsrom til følge opp saken innenfor styringsretten og arbeidsmiljøloven.

Departementet er samd i desse betraktingane og legg til at det ikkje skal vere høve til å bestemme at enkeltpersonar som er tilsette ved skolen, skal gjennomføre dei tiltaka som blir bestemte. Det vil gripe inn i styringsretten til kommunen og fylkeskommunen.

### 33.8.6.3 Departementets forslag

Departementet foreslår å avgrense vedtakskompetansen til statsforvaltaren til å påleggje kommunen eller fylkeskommunen å rette forholdet, med mindre saka elles vil bli unødig forseinka, eller dersom det er grunn til å tru at kommunen eller fylkeskommunen ikkje kjem til å rette forholdet, sjá forslaget til § 12-6 fjerde ledd.

## 33.9 Det fysiske skolemiljøet, skoleanlegg og alkoholforbod

### 33.9.1 Dagens reglar

#### *Det fysiske skolemiljøet*

Krava til det fysiske miljøet i skolen følgjer av § 9 A-7. Kommunen og fylkeskommunen skal planleggje, byggje, legge til rette og drive skolane slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane. Alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira, og skolen skal innreiast slik at det blir teke omsyn til elevar med nedsett funksjonsevne.

Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v. fastset meir detaljerte krav til det fysiske miljøet til skolen, fastsett med heimel i folkehelselova og tobakksskadelova. Forskrifta fastset mellom anna nærmere krav til utforming og innreiing, inneklima og luftkvalitet, belysning og lydforhold. Kommunen fører tilsyn med at forskrifta blir overhalden.

Etter likestillings- og diskrimineringslova § 21 har elevar med funksjonsnedsetjing ved skole- og utdanningsinstitusjonar rett til mellom anna eigna individuell tilrettelegging av lærestad for å sikre likeverdige opplærings- og utdanningsmoglegheiter. Retten gjeld tilrettelegging som ikkje inneber ei uforholdsmessig byrde.

Etter likestillings- og diskrimineringslova § 17 har offentlege og private verksemder som rettar seg mot allmenta, plikt til universell utforming av dei alminnelege funksjonane til verksemda. Med universell utforming er det meint utforming eller tilrettelegging av hovudløysinga i dei fysiske for-

holda, slik at flest mogleg kan bruke dei alminnelege funksjonane til verksemda, uavhengig av funksjonsnedsetjing. Plikta gjeld ikkje utforming eller tilrettelegging som inneber ei uforholdsmessig byrde for verksemda.

#### *Skoleanlegg og alkoholforbod*

I opplæringslova § 9-5 første ledd er det fastsett at kommunane skal sørge for «tenlege grunnskolar». Det er ikkje fastsett ein tilsvarande regel for dei vidaregåande skolane. Krav til skolebygg, både for grunnskolar og for vidaregåande skolar, er også regulerte i andre paragrafar i opplæringslova og i andre lover, mellom anna i opplæringslova § 9 A-7, i forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v., i plan- og bygningslova og i arbeidsmiljølova.

Opplæringslova § 9-5 andre ledd handlar om alkoholforbod ved grunnskolar. I første punktum er det fastsett:

På grunnskolar og i kombinerte anlegg for skole og andre formål må det ikkje kunne serverast alkohol eller takast med alkohol til nytting under arrangement i offentleg som privat regi.

I andre punktum er det opna for at det «i særlege høve» kan serverast eller drikkast alkohol i kombinerte anlegg, til dømes i kombinert skole og kulturhus. Unntaket for kombinerte anlegg gjeld likevel berre der «anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skoletida». I Innst. O. nr. 68 (1997–98) er det også føresett at unntaka må avgrensast til slutta selskap utanom skoletid og innanfor ramma av reglar gitt i andre aktuelle lover. Sidan andre punktum berre omfattar kombinerte anlegg, betyr dette at det aldri kan serverast eller drikkast alkohol i anlegg som berre blir brukte til grunnskoleverksemdu.

Alkoholforbodet gjeld private grunnskolar godkjende etter opplæringslova § 2-12, men ikkje for privatskolar godkjende etter privatskolelova. I barnehagelova er det ikkje fastsett eit tilsvarande alkoholforbod for kommunale eller ikkje-kommunale barnehagebygg.

Kommunane har ansvaret for forvaltning av alkohollova og har etter § 1-7 d i denne lova ei plikt til å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Ifølgje alkohollova § 8-9 er det forbode å servere eller drikke alkohol utan løyve i lokale og på stader som nemnde i paragrafen.

### 33.9.2 Høyringsforslaget

#### *Det fysiske skolemiljøet*

I høyringa til ny opplæringslov foreslo departementet å vidareføre regelen om det fysiske miljøet, med mindre språklege endringar.

Med dette høyringsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 36.

I høyringa uttalte departementet at dersom det blir fastsett nye forskriftsreglar om fysisk skolemiljø med heimel i folkehelselova, vil departementet fremje forslag til endringar i opplæringslova for å tilpasse lova til desse forskriftsendringane. Helse- og omsorgsdepartementet har sendt på høyring forslag om ny forskrift om miljø og helse i barnehager, skoler og skolefritidsordninger og endring av gjeldande opplæringslov § 9 A-7, med høyringsfrist 30. desember 2019. Bakgrunnen for høyringa var eit interdepartementalt utgreiingsarbeid om det fysiske miljøet i barnehagar og skolar. Utgreiingsarbeidet følgde opp Meld. St. 19 (2014–2015) *Folkehelsemeldingen*.

Hovudformålet var å regulere forhold som gjeld det fysiske miljøet, i forskrifa. Helse- og omsorgsdepartementet foreslo derfor å forenkle § 9 A-7 på følgjande vis:

#### § 9 A-7. Det fysiske miljøet

Alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skolen skal innreiaast slik at det blir teke omsyn til dei elevane ved skolen som har funksjonshemmingar.

Det fysiske miljøet i skolen skal vere i samsvar med krav i forskrift xx om miljø og helse i barnehager, skoler og skolefritidsordninger. Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt fysisk skolemiljø, kan eleven eller foreldra følgje opp saka etter § 19 i forskrifa.

#### *Skoleanlegg og alkoholforbod*

I høyringa foreslo departementet å ikkje vidareføre kravet om «tenlege grunnskolar».

Departementet høyrde ope om alkoholforbodet i grunnskolar og i kombinerte anlegg bør vidareførast, om det bør vere ei mellomløsing som inneber at moglegheita til å gjere unntak blir utvida noko, eller om det ikkje bør vidareførast reglar om alkoholforbod i lova. Departementet bad om innspel til om alkoholforbodet eventuelt bør vidareførast i opplæringslova eller i alkohollova.

Med dette høyringsforslaget følgde departementet delvis opp forslaget frå opplæringslovutva-

let i NOU 2019: 23, kapittel 43. Forslaget skilde seg frå forslaget frå opplæringslovutvalet om å ikkje vidareføre alkoholforbodet i grunnskolar og kombinerte anlegg.

### 33.9.3 Høyringsinstansanes syn

#### *Det fysiske skolemiljøet*

Alle høyringsinstansane som uttaler seg, støttar forslaget om å vidareføre reglane om det fysiske miljøet heilt eller delvis.

Blant dei som støttar forslaget utan nærmare grunngiving, er ei rekke kommunar, *Norsk lektorlag* og *Skolelederforbundet*. *Time kommune* støttar forslaget og meiner at den føreslår lovteksten varetok retten eleven har til eit godt fysisk arbeidsmiljø tilpassa behova deira og gjeldande normer.

*Foreldrenettverk mot mobbing* støttar at elevane får ein lovfasta rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behovet til kvar enkelt elev, men meiner at paragrafen også bør innehalde ein regel om universell utforming av det fysiske miljøet. *Odinstiftelsen* ønskjer at paragrafen også omhandlar læremiddel for elevar med ulike funksjonsnivå. *Norges Blindeforbund* påpeikar at dei tidlegare innspelet deira om universell utforming av skolebygg ikkje er i teke i betraktning i relasjon til blinde og svaksynte elevar. *Friluftsrådenes landsforbund* og *Norsk friluftsliv* meiner at paragrafen også må omtale uteområdet til skolen.

To høyringsinstansar har innspel til reguleringa av ansvarssubjekt i paragrafen. *Fredrikstad kommune* meiner at det er kommunen og fylkeskommunen, og ikkje skolen, som skal vere rettssubjektet i lovforstaget § 12-7 tredje ledd. *Fredrikstad kommune* viser til at skolane er formålsbygg som er eigde eller blir disponerte av kommunen og fylkeskommunen. Kommunen meiner at den føreslår lovteksten kan setje rektorar i ein vaniskeleg situasjon der kommunar og fylkeskommunar har därleg økonomi og eit vedlikehaldsetterslep. *KS* påpeikar at det i § 12-7 fjerde ledd blir føreslått at skolen skal behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvalningslova. *KS* meiner at det bør vere tydeleg i lovteksten at det er kommunen som skal behandle saka. *KS* viser til at dei fleste forhold knytte til det fysiske miljøet er lovheimla andre stader enn i opplæringslova, og ansvaret vil som hovudregel ikkje vere delegert frå kommunestyret til rektor.

*Foreldreutvalet for grunnopplæringa* ser positivt på dei justeringane som er gjorde i lovteksten om rettar knytte til det fysiske miljøet, men mei-

ner at lovtekst eller forskrift burde vist kva for nokre faglege normer som gjeld, og kvar ein kan finne desse for å kunne følgje opp regeletterlevinga.

#### Kravet om «tenlege grunnskolar»

Det er fire høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget om å ikkje vidareføre kravet om «tenlege grunnskolar». Alle høyringsinstansane som har uttalt seg, støttar forslaget. *Utdanningsdirektoratet* og *Bergen kommune* viser til at krav til skolebygg er regulert andre stader i regelverket. *Utdanningsforbundet* uttaler at dei er skeptiske til å fjerne slike reglar i lova, men at dei kan støtte forslaget fordi det reelle innhaldet i regelen er uklart. *Statsforvaltaren i Innlandet* støttar forslaget utan nærmere kommentar.

#### *Om opplæringslova skal innehalde reglar om alkoholforbod*

Det er tolv høyringsinstansar som har uttalt seg om alkoholforbodet i grunnskolar og i kombinerte anlegg. Eit fleirtal av høyringsinstansane meiner alkoholforbodet bør vidareførast som det er i dag. Blant dei er *Møre og Romsdal fylkeskommune*, *Vestfold og Telemark fylkeskommune*, *Sandnes kommune*, *Time kommune* og *NLA Høgskolen*.

*Time kommune* uttaler at det vil gi eit uheldig signal å opne for alkoholservering i skolebygg, sjølv om elevane ikkje er til stades, og at det vil gå på tvers av prinsippet om at skolebygg bør vere alkoholfrie arenaer. Også fleire andre kommunar meiner at det er prinsipielt uheldig med alkoholservering i skolebygg. *Bergen kommune* meiner hovudregelen om alkoholforbod bør vidareførast ut frå alkoholpolitiske synspunkt og omsynet til det beste for barnet. Denne kommunen viser til at regelen bør komme fram av opplæringslova, fordi det er ein særregel om skoleanlegg. Kommunen meiner det samtidig i visse tilfelle bør opnast for unntak også i reine grunnskolebygg.

*Utdanningsdirektoratet*, *Statsforvaltaren i Innlandet* og *Utdanningsforbundet* meiner at alkoholforbodet ikkje treng å vidareførast i lova. *Utdanningsdirektoratet* meiner det er tilstrekkeleg at alkoholbruk i grunnskolebygg blir regulert etter alkohollova, slik det er for barnehagebygg, skolar godkjende etter privatskolelova og vidaregåande skolar. Direktoratet påpeikar at dei har tillit til at kommunane har og vil halde fram med å ha gode rutinar for å skjerme barn og unge mot alkohol og andre rusmiddel i eigne bygg. Ved ei eventuell vidareføring av alkoholforbodet meiner direktora-

tet at forbodet bør utvidast til å omfatte barnehagar, vidaregåande skolar og privatskolar godkjende etter privatskolelova.

*Statsforvaltaren i Innlandet* legg til grunn at kommunen gjennom alkohollovgivinga har gode rutinar for å skjerme elevar frå alkohol og andre rusmiddel i eigne bygg, og viser til at regelen kan vere til hinder for kommunen når det gjeld utelege i samband med arrangement.

*Utdanningsforbundet* meiner at ansvaret til kommunane etter kommunelova og alkohollova tilseier at det ikkje er behov for ein eigen regel om alkoholbruk i opplæringslova. *Utdanningsforbundet* påpeikar også at skolen i mange lokalmiljø vil vere einaste forsamlingslokale for private markeringar og storhendingar.

#### 33.9.4 Departementets vurdering

##### *Det fysiske skolemiljøet*

Slik departementet ser det, er det tenleg å ta utgangspunkt i forslaget til ny paragraf i opplæringslova om det fysiske skolemiljøet som vart sendt på høyring av Helse- og omsorgsdepartementet saman med forslaget til ny forskrift om miljø og helse i barnehager, skoler og skolefritidsordninger. Forslaget er gitt att i punkt 33.9.2 over, der også arbeidet med ny forskrift er omtalt nærmare. Dette vil bidra til å unngå dobbeltregulering.

Departementet foreslår å ta inn første ledd i forslaget frå Helse- og omsorgsdepartementet i ny § 12-7 (som svarer til noverande tredje ledd i § 9 A-7), med enkelte språklege justeringar.

Departementet meiner at det ikkje er behov for andre ledd første punktum av forslaget. At det fysiske miljøet i skolen skal vere i samsvar med forskriftera, følgjer av sjølvе forskrifta.

Første ledd første punktum slår fast at alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Det kan stillast spørsmål til om første ledd andre punktum i forslaget om at skolen skal innreiast slik at det blir teke omsyn til dei elevane som har funksjonshemminger, er overflødig som følgje av forslaget til ny opplæringslov § 11-5, der det står: «Elevar har rett til dei tekniske hjelpe midla og den fysiske tilrettelegginga dei treng for å kunne delta i opplæringa og få tilfredsstilande utbytte av ho.» Departementet meiner at det kan vere ein viss nyanseforskjell mellom paragrafane, og foreslår derfor å gå vidare med Helse- og omsorgsdepartementets forslag til første ledd til ny paragraf om det fysiske skolemiljøet, med enkelte språklege justeringar. I første ledd andre punktum om at skolen skal innreiast slik at det

blir teke omsyn til dei elevane som har funksjonshemmingar, er skolen eit passivt pliktsbjekt. Skolen er ikkje eit eige rettssbjekt, og han kan dermed ikkje ha mynde eller rettsleg ansvar. Skolen kan etter vurderinga til departementet likevel brukast som subjekt i lova for oppgåver som naturleg skjer på skolenivå, sjá nærmere punkt 4.5.6 om kven som blir pålagd plikter etter lova.

Departementet sitt forslag til § 12-7 inneber at dagens § 9 A-7 første, andre og fjerde ledd ikkje blir vidareførte.

Dagens § 9 A-7 første ledd fastset at skolane skal planleggjast, bli bygde, bli lagde til rette og bli drivne slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane. Departementet meiner at regelen er varetaken gjennom forslaget til forskrift. Det følgjer av forskrifta at ho gjeld for planlegging, tilrettelegging og drift av mellom anna grunnskolar, vidaregåande skolar, skolefritidsordningar og leksehjelpeordningar i tilknyting til skoleverksemnd. Forskrifta fastslår at verksemnda skal drivast på ein helsemessig tilfredsstillande måte, og at det fysiske miljøet til verksemnda skal vere forsvarleg ut frå ei vurdering av faktorar i miljøet som kan påverke helsa, trivselen, leiken og læringa til barnehagebarn og elevar.

Dagens § 9 A-7 andre ledd fastset at det fysiske miljøet i skolen skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagstyresmaktene til kvar tid tilrår, og at ved enkelte miljøavvik frå normene må skolen kunne dokumentere at miljøet likevel har tilfredsstillande verknad for helsa, trivselen og læringa til elevane. Departementet meiner at regelen er varetaken gjennom forslaget til forskrift, som fastslår at dersom forhold knytte til enkeltfaktorar i miljøet avvik frå faglege normer, må verksemnda kunne dokumentere at det fysiske miljøet likevel er tilfredsstillande. Forskrifta fastslår også ei rekke detaljerte krav til miljø- og helse.

Dagens § 9A-7 fjerde ledd fastset at dersom ein elev eller forelder eller eit av ráda eller utvala ved skolen der desse er representerte, ber om tiltak for å rette på fysiske miljøforhold, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter reglane i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak. Slik departementet ser det, vil reglane om klage vere varetakne i forskrifta sine reglar om oppfølging av førespurnader og om klager. Etter forslaget til forskrift kan ein elev eller foreldra som meiner at kravet frå forskrifta ikkje blir oppfylt, vende seg til barnehagen eller skolen. Dersom barnehagen

eller skolen ikkje har følgt opp førespurnaden innan rimeleg tid, kan eleven eller foreldra vende seg til kommunen som tilsynsmakt. Kommunen skal vurdere å følgje opp forholdet ved tilsyn. Dersom kommunen kjem til at krav i forskrifta ikkje er oppfylte, kan kommunen gjere vedtak i samsvar med folkehelselova §§ 13 til 17. Etter forslag til forskrift kan enkeltvedtaket til kommunen klagast på til fylkesmannen etter folkehelselova § 19. Eleven eller foreldra kan klage på avgjørda til kommunen om tilsyn til statsforvaltaren etter reglane i forvaltningslova kapittel VI.

Departementet ser at det er nokre nyanseforskjellar i korleis klageordninga er utforma samanlikna med i dagens opplæringslov § 9 A-7, men meiner det ikkje lenger er behov for separate klagereglar i opplæringslova i tilknyting til det fysiske skolemiljøet, ettersom dei meir detaljerte krava til det fysiske skolemiljøet følgjer av den foreslalte forskrifta.

For å sikre at også retten til godt fysisk miljø etter lovforslaget §§ 12-2 og 12-7 kan følgjast opp med førespurnader og klager etter forslaget til forskrift, foreslår departementet at § 12-7 andre ledd viser til at departementet gir forskrift om saksbehandlinga av saker som gjeld det fysiske skolemiljøet etter §§ 12-2 og 12-7, og at i slike saker gjeld ikkje reglane om klage i forslaget til § 29-1. Departementet vil i forskrifta kunne fastsette at slike saker skal følgjast opp etter reglane i ny forskrift om miljø og helse i barnehagar, skolar og skolefritidsordningar. Ei slik tilvising vil innebere eit høve til å følgje opp saker om fysisk skolemiljø etter den nye forskrifta. Slike saker vil derfor ikkje følgje klagesystemet i opplæringslova. Departementet meiner det er tenleg å unngå to parallelle klagesystem for saker om det fysiske skolemiljøet. Sjá elles også omtalen i punkt 59.5.1.

#### *Kravet om «tenlege grunnskolar»*

Departementet foreslår at kravet om «tenlege grunnskolar» ikkje blir vidareført i den nye lova. Departementet vurderer kravet som overflødig fordi det ikkje tilfører noko eige ut over det som kjem fram av andre reglar. Departementet foreslår reglar om det fysiske skolemiljøet for grunnskolar og vidaregåande skolar i forslaget til § 12-7. Det fysiske miljøet blir vidare regulert av forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v., reglar i plan- og bygningslova og i arbeidsmiljølova. Det er dermed ei rekke krav til skolebygg som må vere oppfylte, og som vil innebere at skolane må vere «tenlege». At skolane skal vere «ten-

lege» er også ein føresetnad for at andre rettar etter opplæringslova skal kunne oppfyllast.

#### *Om opplæringslova skal innehalde reglar om alkoholforbod*

Etter ei nærmere vurdering av dei ulike omsyna og innspela i høyringa foreslår departementet å ikkje vidareføre alkoholforbodet i grunnskolar og i kombinerte anlegg.

Departementet vil vise til at opplæringslova regulerer grunnskole- og vidaregåande opplæring og verksemd knytt til opplæringa. Skjenking og bruk av alkohol i skolebygg fell derfor utanfor det opplæringslova har som formål å regulere.

Departementet viser vidare til at kommunane har ansvaret for forvaltninga av alkohollova. Arrangement i grunnskolebygg og i kombinerte anlegg som inneber servering og drikking av alkohol, vil i dei fleste tilfelle vere omfatta av løyveplikta i alkohollova § 8-9. Til høyringsinnspele om at forbodet bør vidareførast ut frå alkoholpolitiske synspunkt og omsynet til det beste for barnet, meiner departementet at løyveplikta i alkohollova § 8-9 i tilstrekkeleg grad vil vareta omsynet til barn og unge. Departementet legg til grunn at kommunen, når han vurderer om løyve skal givast, legg vekt på dette omsynet.

Departementet viser også til at det i dag ikkje er eigne reglar om å ta med, servere eller drikke alkohol for barnehagebygg, privatskolar godkjende etter privatskolelova eller vidaregåande skolar. Slike bygg blir omfatta av dei generelle reglane i alkohollova. Departementet meiner det ikkje er nødvendig å regulere dette annleis for kommunale grunnskolar og private grunnskolar godkjende etter forslaget til § 22-1. Departementet har tillit til at kommunane har og vil halde fram med å ha gode rutinar for å skjerme barn og unge mot alkohol og andre rusmiddel i eigne bygg, til dømes skole- og barnehagebygg, idrettshallar og andre bygg til kulturformål. Når forbodet blir borte, får også kommunen større handlingsrom til å disponere eigne bygg innanfor rammene av alkohollova. Dette harmonerer i større grad enn i dag med overordna føringar om statleg styring av kommunane og fylkeskommunane.

#### **33.9.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- ein forenkla regel om det fysiske miljøet, sjå forslaget til § 12-7

- at departementet gir forskrift om saksbehandlinga av saker som gjeld det fysiske skolemiljøet og at i slike saker gjeld ikkje klagereglane i forslaget til § 29-1, sjå forslaget til § 12-7 andre ledd
- å ikkje vidareføre kravet om «tenlege grunnskolar»
- å ikkje vidareføre alkoholforbodet i grunnskolar og kombinerte anlegg

### **33.10 Ingen forskriftsheimel om skolemiljø**

#### **33.10.1 Dagens reglar**

Opplæringslova § 9 A-16 gir departementet heimel til å fastsetje krav til skolemiljøet i forskrift. Departementet har berre fastsett éin forskriftsregel med heimel i § 9 A-16. Denne forskriftsregelen gjeld tryggleiken til elevane og er fastsett i forskrift til opplæringslova § 12-1.

I forskriftera § 12-1 bokstav a er det fastsett at tilsynet til skolen må vere forsvarleg ut frå risikoene for at skade eller ulykke kan skje når skolen er ansvarleg for tryggleiken til elevane. Bokstav b regulerer forholdstalet mellom vaksne og elevar i situasjonar der skolen er ansvarleg for symjing og bading. I bokstav c står det at det bør takast inn reglar om trafikktryggleik og andre førebyggjande tiltak i ordensreglementet. Vidare står det at foreldra avgjer om barna får sykla til skolen eller ikkje. I bokstav d står det at reglane gjeld tilsvarende for skolefritidsordninga.

#### **33.10.2 Høyringsforslaget**

Departementet foreslo

- å ikkje vidareføre heimelen til å gi forskrift om skolemiljø
- å ikkje vidareføre forskriftsregelen om tryggleiken til elevane

Med dette høyringsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 36.

#### **33.10.3 Høyringsinstansanes syn**

Høyringsinstansane har i liten grad komme med innspel til forslaget. Fire høyringsinstansar har direkte eller indirekte gitt si støtte til forslaget, men ingen har gitt noka særskild grunngiving for støtta.

### **33.10.4 Departementets vurdering**

Departementet foreslår å ikke vidareføre heimelen til å gi forskrift om krav til skolemiljøet og forskriftsregel om tryggleiken til elevane.

Opplæringslovutvalet meinte at det ikke var behov for forskriftsreglar om skolemiljøet etter som reglane om skolemiljø i lova er relativt detaljerte. Utvalet viste også til at forskriftsreglar ville gjere reglane mindre tilgjengelege og meir fragmenterte. Departementet er samd i betraktnigane frå utvalet og viser til desse, jf. NOU 2019: 23, kap. 36.4.17:

Reglene om skolemiljø i opplæringsloven er relativt detaljerte. Utvalget kan derfor heller ikke se at det også skal være behov for mer detaljerte regler i forskrift. Det vil heller ikke være hensiktsmessig med noen få tilleggsregler i forskrift, da dette vil gjøre regelverket unødvendig fragmentert. En mulighet kan være en fordeling der loven kun inneholder overordnede regler, som blir utfylt med mer detaljerte regler i forskrift. At reglene om skolemiljø er svært sentrale for elevene, taler derimot for at reglene hører hjemme i loven. En oppdeling i overordnede og detaljerte regler, vil også gjøre regelverket mer fragmentert og dermed vanskeligere tilgjengelig.

Ved ikke å vidareføre forskriftsheimelen vil heller ikke forskriftsregelen om tryggleiken til elevene

kunne førast vidare (forskrift til opplæringslova § 12-1).

I forskrifta § 12-1 bokstav a er det fastsett at tilsynet til skolen må vere forsvareleg ut frå risikoene for at skade eller ulykke kan skje når skolen er ansvarleg for tryggleiken til elevane. Til liks med utvalet meiner departementet at krav om forsvareleg tilsyn allereie følgjer av retten til eit trygt og godt skolemiljø og kravet om det førebyggjande arbeidet til skolen.

Forskrifta § 12-1 bokstav b regulerer forholdsstalet mellom vaksne og elevar i situasjonar der skolen er ansvarleg for symjing og bading. Til liks med utvalet meiner departementet at kommunen sjølv bør vurdere kor mange vaksne som må vere til stades ut ifrå den konkrete risikoene.

I forskrifta § 12-1 bokstav c står det at det bør takast inn reglar om trafikktryggleik og andre førebyggjande tiltak i ordensreglementet. Vidare står det at foreldra avgjer om barna får sykla til skolen eller ikke. Utvalet mente prinsipielt at regelverket ikke bør innehalde tilrådingar, og at i fråvær av ein eigen heimel om det motsette er det uansett foreldra som har mynde til å avgjere om elevene kan sykle utanfor skolen og utanfor skoletida. Utvalet meinte at regelen var unødvendig, og departementet er samd i dette.

### **33.10.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår ingen forskriftsheimel om skolemiljø.

## 34 Skoleregler og ordenstiltak

### 34.1 Innledning

Dette punktet handlar om skoleregler (ordensreglement), bortvising frå undervisninga, pålagt skolebytte og forbod mot ansiktsdekkjande plagg i opplæringa.

### 34.2 Skoleregler

#### 34.2.1 Dagens reglar

Alle skolar skal ha eit ordensreglement, jf. opplæringslova § 9 A-10. Ordensreglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane. Ordensreglementet skal innehalde reglar om orden og oppførsel, om kva tiltak som kan brukast der elevar bryt reglementet, og om korleis slike saker skal behandlast.

Ordensreglementet gjeld i skoletida, når elevane er på skoleområdet. Ordensreglementet kan også gjerast gjeldande for bruk av den digitale infrastrukturen til skolen, også utanfor skoletida.

Opplæringslova § 9 A-11 gir kommunane og fylkeskommunane heimel til å gi reglar om bortvising av elevar frå opplæringa i ordensreglementet.

Ved brot på forbodet mot bruk av plagg som heilt eller delvis dekkjer ansiktet, kan det brukast reaksjonar som følgjer av ordensreglementet, jf. opplæringslova § 9-7 fjerde ledd.

#### 34.2.2 Høyningsforslaget

Departementet foreslo

- å endre uttrykket «ordensreglement» til «skoleregler»
- å vidareføre reglane om ordensreglement, men klargjere kva det kan og skal givast skoleregler om
  - presisere at skolereglane skal innehalde reglar om organiseringa av skoledemokrati
  - gjere tydeleg kravet om elevmedverknad i utforming og vedtaking av skoleregler ved å flytte reglane frå kapittelet om skolemiljø til eit kapittel 10 om «det beste for eleven,

medverknad, skoledemokrati og skoleregler»

- fjerne presiseringa om forbod mot fysisk refsing og dagens presisering om at elevane har rett til å bli høyrd før det blir teke ei avgjerd om bortvising, ettersom desse reglane er varetakne av andre reglar
- å vidareføre unntaket frå kravet om kunngjeiring av lokale forskrifter om skoleregler i Norsk Lovtidend.

Med dette høyningsforslaget følgde departementet i hovudsak opp forslaget frå opplæringslovutvallet i NOU 2019: 23, kapittel 22. Forskjellane består i at utvalet plasserte paragrafen om skoleregler i kapittel 2, medan departementet foreslo å plassere paragrafen i kapittel 10 i lovforslaget, og at utvalet foreslo å ikkje vidareføre unntaket frå kravet i forvaltningslova om publisering i Norsk Lovtidend.

#### 34.2.3 Høyningsinstansanes syn

Alle dei 18 høyningsinstansar som uttaler seg, støttar forslaget om ny nemning (fra «ordensreglement» til «skoleregler»). Blant desse høyningsinstansane er *Barneombodet*, fleire fylkeskommunar og kommunar, *Utdanningsforbundet* og *Elevorganisasjonen*. *Universitetet i Sørøst-Noreg* påpeikar at endringane kan bidra til at elevane lettare kan få ein eigarskap til skolereglane «som gjelder for vår skole» når dei sjølv deltek i prosessen med å forme ut desse reglane. *Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark* trekker fram at «skoleregler» står fram som eit meir tidsriktig og sjølvforklarande omgrep.

Om lag 15 høyningsinstansar har innspel til forslaga om kva det skal og kan givast skoleregler om. Dei fleste høyningsinstansane som uttaler seg, er positive til at skolereglane skal innehalde reglar om skoledemokratiet og pliktene og rettane til eleven.

Enkelte høyningsinstansar meiner at forslaget til reglar om skoleregler er for knapt formulerte. Fleire høyningsinstansar er skeptiske til at forbodet mot fysisk refsing og anna krenkjande

behandling blir teken ut av paragrafen. Nokre høyringsinstansar ønsker meir detaljerte reglar om krav til utforminga av reglane om skoledemokrati.

Enkelte høyringsinstansar meiner at det ikkje bør givast for stort lokalt spelrom i fastsetjinga av skolereglar, for å unngå forskjellsbehandling.

Om lag 10 høyringsinstansar har uttalt seg om forslaget om å vidareføre unntaket frå kravet om kunngjering av skolereglane i Norsk Lovtidend. Dei aller fleste høyringsinstansane støttar forslaget utan nærmere kommentarar. Blant høyringsinstansane som støttar forslaget, er fleire kommunar, *Utdanningsforbundet* og *Skolelederforbundet*.

To høyringsinstansar støttar ikkje forslaget. *Barneombodet* viser til at det i dagens digitale kvardag er lett å kunngjere ei forskrift i Norsk Lovtidend, og at det ikkje er eit relevant omsyn om dei som skal fastsetje forskrifta, har tilstrekkeleg kunnskap. *Utdanningsdirektoratet* påpeikar at å utarbeide lokale forskrifter føreset kunnskap om forvaltningslova og forskriftsarbeid. *Utdanningsdirektoratet* meiner at omsynet til å oppfylle reglane i forvaltningslova og til å gjere forskriftene meir tilgjengelege bør vege tyngst.

#### 34.2.4 Departementets vurdering

Departementet meiner at nemninga «ordensreglement» bør endrast til «skolereglar». Til liks med opplæringslovutvalet meiner departementet at endringa frå «ordensreglement» til «skolereglar» synleggjer at reglane kan gjelde meir enn berre ordensreglar. Uttrykket «skolereglar» står fram som sjølvforklarande og meir tidsriktig.

Departementet foreslår at skolereglane skal innehalde reglar om organisering av skoledemokratiet og om rettar og plikter for elevane, mellom anna om orden og oppførsel, og om kva tiltak som skal brukast når elevar bryt skolereglane, og om korleis slike saker skal behandlast.

Myndet til å gi forskrifter blir foreslått lagt til kommunen og fylkeskommunen. Det vil vere opp til kommunen og fylkeskommunen om myndet til å ta avgjerder skal delegerast til skolane, og korleis elevane blir tekne med på avgjerdene, men departementet presiserer at krava til medverknad, omtalt i punkt 21, og skoledemokrati, omtalt i punkt 22, stiller krav til både nærleik og aktiv deltaking i avgjerder. Departementet viser til at ettersom skolane er einingar som er ein integrert del av kommunen og ikkje sjølvstendige rettssubjekt, kan kommunen vedta at fastsetjinga av skolereglar heilt eller delvis skal skje lokalt på den enkelte skolen. Skolen kan på si side delegere

visse avgjerder til endå lågare nivå, som til dømes eit trinn eller ein klasse. Det vil framleis formelt vere kommunen som fastset skolereglane, sjølv om fastsetjinga i praksis ofte vil skje på eit lågare nivå. Departementet viser i samband med dette til merknadene frå opplæringslovutvalet om dette i NOU 2019: 23, s. 230:

Det vil være opp til kommunen om beslutningsmyndigheten delegeres og hvordan elevene tas med på beslutningene, men kravene til medvirkning og skoledemokrati stiller krav til både nærhet og aktiv deltagelse i beslutninger. Sentrale spørsmål som kommunene må ta stilling er: Hva skal elevene bestemme? Hvordan skal elevene bestemme eller være med på å bestemme? Ulike beslutninger i skolesamfunnet kan passe på ulike nivåer. Beslutninger kan for eksempel tas på skolenivå, der alle elevene direkte eller indirekte er med på å bestemme, på trinnet, der alle elevene på et trinn direkte eller indirekte er med på å bestemme, eller på gruppe-/klassennivå, der alle elevene i en klasse eller en gruppe er med på å bestemme. I NOU 2019: 10 Åpenhet i grenseland. (Åpenhetsutvalget) peker utvalget på klassennivået som et hensiktsmessig nivå til å beslutte regler om bruk av smarttelefoner og annet digitalt utstyr.

Departementet meiner at skolereglane skal innehalde reglar for det som er viktigast for elevane i skolekvardagen deira. Dette gjeld særleg reglar om pliktene til elevane og avgrensingar i handlefridommen til elevane. Skolereglar som blir vedtekne etter ein breitt oppbygd demokratisk prosess, vil lettare bli anerkjende og etterlevde i det lokale skolemiljøet. Departementet viser til forslaget til reglar om skoledemokratiet i forslaget til § 10-4, der det er fastsett at skolen skal sørge for at elevane og foreldra får vere med på å planlegge, gjennomføre og vurdere mellom anna arbeidet med fastsetjinga av skolereglar, sjå omtale i punkt 22.5.1.

Dei organa for brukarmedverknad som skolane vel å ha, må fastsetjast i skolereglane. For meir om dette, sjå punkt 22.5.2. Elevane skal få moglegheita til å medverke i utarbeidingsa av desse reglane.

Departementet meiner at paragrafen bør gjere det tydeleg at tiltaka skolen kan bruke overfor elevar som bryt skolereglane, må vere fastsett i skolereglane. Reaksjonar som skal kunne brukast som tiltak ved brot på plikta til å vere aktivt med i opplæringa, sjå punkt 13.2, eller forbodet mot

ansiktsdekkjande plagg i opplæringa, sjå punkt 34.5, må fastsetjast i skolereglane.

Departementet har merka seg innspel frå enkelte høyringsinstansar om at den foreslalte paragrafen er for knapp. Ut over dei minimumskrava som er foreslått, meiner departementet at det bør overlatast til kommunane og fylkeskommunane å bestemme kva det skal givast skolereglar om. Dersom skolereglar skal fastsetjast på nasjonalt og ikkje lokalt nivå, vil det innebere ei svekking av det kommunale og fylkeskommunale sjølvstyret.

Etter synet til departementet vil skrankar og rettar som følgjer av andre paragrafar i opplæringslova ikkje vere nødvendige å presisere i paragrafen om skolereglar. Departementet meiner av denne grunn at det er unødvendig å vidareføre presiseringa om forbod mot fysisk refsing og anna krenkjande behandling. Slike sanksjonar overfor elevane er uansett i strid med retten elevane har til eit trygt og godt skolemiljø.

Departementet foreslår å ikkje vidareføre unntaket frå kravet i forvaltningslova om publisering av forskrift om skolereglar i Norsk Lovtidend. Kunngjering i Norsk Lovtidend skal gjere forskrifter tilgjengelege for borgarane og vil også gjere det mogleg å finne fram til tidlegare versjonar av den lokale forskrifta på nettsidene til Lovdata. Samtidig vil forslaget til krav om kunngjering også for slike forskrifter innebere ein auke i talet på forskrifter til kunngjering. Departementet er samd i *Utdanningsdirektoratet* si påpeiking om at utarbeiding av lokale forskrifter føreset kunnskap om forvaltningslova og forskriftsarbeid, og at omsynet til å oppfylle reglane i forvaltningslova og til å gjere forskriftene meir tilgjengelege bør vege tyngst. Departementet viser også til innspelet frå *Barneombodet*, som påpeikar at det i dagens digitale kvardag er lett å kunngjere ei forskrift i Norsk Lovtidend.

#### 34.2.5 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å endre uttrykket «ordensreglement» til «skolereglar», sjå forslag til § 10-7
- å vidareføre regelen om at kommunen og fylkeskommunen skal gi lokal forskrift om skolereglar, men klargjere kva det kan og skal givast skolereglar om, sjå forslag til § 10-7 første ledd
- presisere at skolereglane skal innehalde reglar om organiseringa av skoledemokratiet, sjå forslag til § 10-7 første ledd
- gjere tydeleg kravet om elevmedverknad i utforming og vedtaking av skolereglar ved

å flytte reglane frå kapittelet om skolemiljø til kapittel 10 om «det beste for eleven, medverknad, skoledemokrati og skolereglar», sjå forslag til § 10-7

- fjerne presiseringa om forbod mot fysisk refsing og dagens presisering om at elevane har rett til å bli høyrde før det blir teke ei avgjerd om bortvising, ettersom desse reglane er varetakne av andre paragrafar
- å ikkje vidareføre unntaket frå kravet om kunngjering av lokal forskrift om skolereglar i Norsk Lovtidend

### 34.3 Bortvising

#### 34.3.1 Dagens reglar

Dagens reglar for bortvising er regulerte i § 9 A-11.

Bortvising inneber at eleven blir teken ut frå opplæringa for ein avgrensa periode. Bortvising kan gjennomførast ved at eleven oppheld seg ein annan plass på skoleområdet, eller ved at eleven blir send bort frå skoleområdet.

Reglane for bortvising i grunnskolen følgjer av § 9 A-11 første ledd. Det er slått fast at det i ordensreglementet kan fastsetjast at «*[e]lever på 1. til 7. årstrinn kan visast bort for enkelttimar eller resten av dagen, og elevar på 8. til 10. årstrinn kan visast bort for opptil tre dagar*».

Det følgjer av andre ledd i § 9 A-11 at elevar i vidaregående opplæring kan visast bort i opptil fem dagar dersom det er fastsett i ordensreglementet. Ved særleg alvorlege brot på reglementet kan elevane visast for resten bort av skoleåret.

Det er i utgangspunktet rektor som skal avgjere om ein elev skal visast bort, jf. § 9 A-11 tredje ledd. Før rektor vedtek bortvising, skal rektor ha rådført seg med lærarane til eleven. Bortvising for resten av skoleåret skal alltid vedtakast på fylkeskommunalt nivå. Dersom kommunane og fylkeskommunane ikkje har fastsett noko anna, kan rektor gi lærarane myndige til å vise bort elevar frå si eiga undervisningsøkt, avgrensa til to samanhengande klokketimar.

Før ein elev blir bortvist frå opplæringa, skal andre tiltak vere vurderte, jf. opplæringslova § 9 A-11 fjerde ledd. I det same leddet er det fastsett ei varslingsplikt: «*Foreldra skal varslast før ein elev på 1. til 7. årstrinn blir bortvist for resten av dagen.*

#### 34.3.2 Høyringsforslaget

Departementet foreslo å vidareføre reglane om bortvising, men med enkelte språklege justerin-

gar og presiseringar mellom anna for å gjere tydeleg vilkåra for bortvising:

- presisere i lovteksten at ein elev ikkje kan visast bort «dersom mindre inngripande tiltak er tilstrekkelege»
- justere ordlyden for når bortvising kan vedtakast frå brot på reglementet «i alvorleg grad eller fleire gonger» til «fleire eller grove brot»
- å ikkje vidareføre presiseringa om at rektor skal ha rådført seg med lærarane til eleven før bortvising fordi det følgjer av forvaltningslova

Med dette høringsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 37.

### **34.3.3 Høringsinstansanes syn**

#### *34.3.3.1 Høve til og vilkår for bortvising*

Om lag 20 høringsinstansar har gitt innspel til forslaget til bortvisingsreglar. Dei aller fleste høringsinstansane som uttaler seg, støttar forslaget om å vidareføre reglane om bortvising heilt eller delvis. *Barneombodet* er blant høringsinstansane som i hovudsak støttar ei vidareføring. *Barneombodet* er likevel usikker på om opplæringslova bør innehalde ein heimel for at elevar i vidaregåande opplæring skal kunne visast for resten bort av skoleåret når brota er svært alvorlege.

Fleire høringsinstansar peikar på at det er behov for rettleiing, anten i lovteksten eller i merknadene, om og korleis bortviste elevar skal varetakast. *Barne-, ungdoms- og familielid direktoratet* meiner at skolen burde ha eit ansvar for å følge opp elevar som er bortviste, mellom anna for å førebyggje at elevane ikkje oppsøkjer uheldige miljø eller gjer seg skuldige i kriminalitet. *Utdanningsdirektoratet* meiner at det bør komme fram av merknadene om og korleis elevar skal følgjast opp i tida dei er bortviste, og korleis dette tek omsyn til forslaget om å innføre ei oppfølgingsplikt for fråvær i forslaget § 10-6.

*Forandringsfabrikken kunnskapssenter* og *Redd Barna* meiner at det ikkje skal vere høve til bortvising, og viser til at bortvising kan gripe inn i retten barnet har til undervisning, og at bortvising opplevast som ei straff. *Forandringsfabrikken* meiner at det i staden for bortvising bør lagast ein plan for kva eleven treng for å føle at det er trygt nok på skolen.

#### *34.3.3.2 Saksbehandlingsreglar for bortvising*

Alle høringsinstansane som uttaler seg, støttar forslaget om å vidareføre regelen om at foreldra til ein elev på 1. til 7. trinn skal varslast før eleven blir bortvist for resten av dagen. Høringsinstansane er likevel delte i synet på om lovteksten framleis skal presisere at rektor skal ha rådført seg med lærarane til eleven før bortvising. Fleire støttar forslaga utan nærmare grunngivingar, men enkelte høringsinstansar meiner at presiseringa bør først vidare fordi ho kan ha ein pedagogisk effekt, og at det vil vere meir sannsynleg at rådføring faktisk skjer dersom presiseringa blir vidareført, sjølv om det inneber ei dobbeltregulering.

Enkelte høringsinstansar har merknader til spørsmålet om kva avgjerder om bortvising som skal reknast som enkeltvedtak. Enkelte høringsinstansar meiner at alle avgjerder om bortvising må reknast som enkeltvedtak etter forvaltningslova, uavhengig av lengda på bortvisinga. *Statsforvaltaren i Oslo og Viken* meiner at bortvising for mindre enn éin dag må reknast for å vere enkeltvedtak for elevar på 1. til 7. trinn, og viser til at bortvising frå enkelttimar eller resten av dagen er den mest inngripande sanksjonen overfor desse elevane.

*Utdanningsdirektoratet* meiner at det må særskilt presiserast i lovteksten at saksbehandlingsreglane i forvaltningslova ikkje skal gjelde dersom ein ønsker at saksbehandlingsreglane ikkje skal komme til bruk ved alle tilfelle av bortvising. *Utdanningsdirektoratet* peikar på at retten til opplæring blir sett til side den tida eleven er bortvist. *Utdanningsforbundet* meiner det er tenleg at det kjem fram av opplæringslova at bortvising er eit enkeltvedtak, sjølv om dette er regulert i forvaltningslova.

### **34.3.4 Departementets vurdering**

#### *34.3.4.1 Høve til bortvising*

Departementet foreslår å vidareføre paragrafen om bortvising i ny opplæringslov, men varslar samtidig ein nærmare gjennomgang av desse reglane. Departementet viser til at spørsmålet om høvet til bortvising bør vidareførast, ikkje er drøfta prinsipielt verken av opplæringslovutvalet eller departementet i høringsnotatet. Utvalet og departementet konsentrerte seg om utforminga av vilkåra for bortvising.

Departementet meiner at det er behov for meir kunnskap om kor ofte og korleis desse reglane blir brukt av skolane, om regelane verkar

etter hensikta si, og eventuelle andre verknader. Departementet viser mellom anna til fråseigner frå *Forandringsfabrikken*, som meiner at det i staden for bortvising bør lagast ein plan for kva eleven treng. Departementet viser også til uttalen frå opplæringslovutvalet om at sjølv om det bør vere høve til å nytte bortvising, betyr ikkje det at dette er ein tenleg reaksjon. Departementet viser vidare til at bortvising er eit inngripande tiltak, særleg for dei aller yngste elevane, og at ei vurdering av det beste for barnet ofte vil tilseie at bortvising ikkje bør nyttast som tiltak.

I høyringa uttalte departementet at formålet med bortvisingsreglane er å fjerne eleven frå undervisninga for å opprette ro og orden. Departementet er ikkje sikker på at bortvisingsreglane må opne for at eleven kan sendast ut av skoleområdet, for at dette formålet skal nåast. Departementet viser til merknaden frå *Barne-, ungdoms- og familieliderekatet* om at skolen burde ha eit ansvar for å følgje opp elevar som er bortviste, mellom anna for å førebyggje slik at elevane ikkje oppsøkjer uheldige miljø eller gjer seg skuldige i kriminalitet.

Departementet meiner at det er behov for å greie ut nærare om høvet til bortvising bør avgrensast, til dømes til at eleven blir teken ut frå undervisninga, men ikkje blir send bort frå skolen i skoletida (uavhengig av om eleven går på grunnskolen eller på vidaregåande skole). Dersom bortviste elevar framleis skal opphalde seg på skoleområdet i skoletida, bør det gjerast tydeleg kva tilbod skolen skal gi, og dersom bortviste elevar framleis skal kunne visast bort frå skoleområdet, bør det gjerast tydeleg kva ansvar skolen har for eleven.

Departementet tek sikte på å komme tilbake til spørsmåla ovanfor ved eit seinare høve.

#### 34.3.4.2 Vilkår for bortvising

I det følgjande drøftar departementet forslaga om utforming av vilkåra for bortvising som har vore på høyring. Departementet foreslår å vidareføre reglane om bortvising i tråd med høyringsforslaget.

Bortvising er den einaste reaksjonen for brot på skolereglane til skolen som er regulert i opplæringslova. I realiteten inneber tiltaket at retten eleven har til opplæring, mellombels blir sett til side. Derfor er terskelen for å vise bort ein elev frå opplæringa høg og skal berre brukast heilt

unntaksvis. Dette gjeld særleg for elevane på dei lågare alderstrinna.

Dei foreslalte vilkåra inneber for det første at tiltaket er reservert for tilfelle med grove eller fleire brot på skolereglane. Vilkåra er ei vidareføring av gjeldande rett. Kva som er eit grovt brot på skolereglane, vil vere ei konkret og skjønnsmessig vurdering. Som nemnt over skal det vere ein høg terskel for bortvising, og bortvising bør berre brukast i heilt spesielle unntakstilfelle. Det skal vidare mykje til før fleire brot som ikkje er alvorlege, skal kunne føre til bortvising. Det kan berre vere aktuelt med bortvising etter dette vilkåret dersom andre reaksjonar mot tidlegare brot på den aktuelle skoleregelen ikkje har lykkast. Bortvising kan ikkje brukast som eit substitutt for manglande tilrettelegging i form av tilpassa opplæring eller individuelt tilrettelagd opplæring.

For det andre foreslår departementet å presisere at bortvising ikkje skal brukast dersom mindre inngripande tiltak er tilstrekkelege. Slik departementet ser det, er dette ei tydelegare formulering av prinsippet om det mildaste inngrøpet i lovteksten enn slik det er formulert i dag, der det berre er fastslått at «før det blir gjort vedtak om bortvising, skal ein ha vurdert andre tiltak». Eit mindre inngripande tiltak kan til dømes vere opplærings- og ordenstiltak som at to elevar ikkje lenger får sitje ved sida av kvarandre. Det kan også vere at eleven har behov for tilpassingar i opplæringa, eventuelt vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring. Presiseringa inneber ingen endringar i innhaldet i reglane, men gjer det tydeleg at avgjerdstakaren må vurdere om bortvising er eit nødvendig og forholdsmessig tiltak i den konkrete situasjonen. Slik departementet ser det, er presiseringa om mindre inngripande tiltak viktig fordi bortvising inneber at eleven ikkje får opplæring medan bortvisinga varer.

Departementet foreslår å vidareføre dagens gradering av kor lenge bortvisinga skal være ut frå kva trinn eleven går på, og dagens deling av myndet mellom kommunen, fylkeskommunen, rektor og lærar til å kunne vise bort elevar.

Når brot på skolereglane er særleg alvorlege, kan fylkeskommunen vedta at ein elev i vidaregåande skole skal visast bort for resten av skoleåret. Dette inneber likevel ikkje at ein elev kan bortvisast permanent frå vidaregåande opplæring. Eleven vil ikkje tape retten sin til vidaregåande opplæring permanent. Ei permanent bortvising vil kunne reknast som straff etter reglane i den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK).

### 34.3.4.3 Saksbehandlingsreglar for bortvising

Bortvising for éin dag eller meir vil vere eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2, og saksbehandlingsreglane i forvaltningslova for enkeltvedtak gjeld. Utgangspunktet er at bortvising for kortare tid enn éin dag ikkje vil vere eit enkeltvedtak. Departementet er samd med vurderinga frå utvallet om at slik bortvising er så lite inngripande overfor eleven at ho vanskeleg kan seiast å vere bestemmande for rettane og pliktene til eleven. Trass i dette kan det tenkjast at ei planlagd bortvising fram i tid for mindre enn éin dag likevel etter ei konkret vurdering vil vere eit enkeltvedtak. Det kan til dømes tenkjast at ein elev blir bortvist frå å delta på ein ekskursjon frå skolen som tar ein del av skolekvardagen. Dette kan opplevast meir inngripande enn dersom eleven blir bortvist frå neste matematikktime eller liknande.

Departementet påpeikar at oppfatninga om at bortvising for mindre enn éin dag i utgangspunktet ikkje er eit enkeltvedtak, skil seg frå det som er lagt i grunn i Prop. 57 L (2016–2017), men svarer med beskriving frå opplæringslovutvalet av gjeldande rett, tidlegare forarbeid og juridisk litteratur. Departementet meiner at det ikkje er behov for å presisere dette i lovteksten.

Departementet foreslår å ikkje vidareføre regelen om at rektor må ha rådført seg med lærarane til eleven før rektor eventuelt vedtek å vise bort eleven. Ei slik presisering er slik departementet ser det, unødvendig fordi rektor både har ei utgreiingsplikt og ei informasjonsplikt etter forvaltningslova § 17.

Departementet foreslår heller ikkje å ta inn ei presisering om at før det blir teke avgjerd om bortvising, har eleven rett til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda. Denne retten følger av dei foreslalte reglane i §§ 10-1 og 10-2 om det beste for eleven og retten eleven har til medverknad.

Når det gjeld regelen om varsling av foreldra til elevar på 1. til 7. trinn, meiner departementet at regelen bør først vidare fordi det er uklart om dette inneber ei reell dobbeltregulering. Departementet viser til at omsorgs- og oppdragaransvaret til skolen er ulovfesta, og at det derfor ikkje vil innebere ei dobbeltregulering å ta inn regelen om varsling av foreldre til elevar på 1. til 7. trinn i lovteksten.

### 34.3.5 Departementets forslag

Departementet foreslår å vidareføre reglane om bortvising, men med enkelte språklege justerin-

gar og presiseringar mellom anna for å gjere tydeleg vilkåra for bortvising, sjå forslaget til § 13-1.

## 34.4 Pålagt skolebyte

### 34.4.1 Dagens reglar

Det følgjer av opplæringslova § 9 A-12 at ein elev kan flyttast til ein annan skole dersom oppførselen til eleven i alvorleg grad går utover tryggleiken eller læringa til éin eller fleire medelevar, til dømes i samband med mobbing.

Vurderinga av kva som er *alvorleg grad*, tek utgangspunkt i korleis medeleven opplever saka. Vurderinga må i tillegg supplerast med profesjonelle og meir objektive vurderingar av kva som normalt i *alvorleg grad* kan gå utover tryggleiken eller læringa til andre elevar.

Skolebyte kan ikkje brukast som tiltak dersom mindre inngripande tiltak kan redusere alvorsgraden i situasjonen til under terskelen i vilkåret i *alvorleg grad*, jf. opplæringslova § 9 A-12 første ledd andre punktum. Av omsyn til medelevane kan det likevel i heilt ekstraordinære tilfelle vere at andre tiltak ikkje må prøvast ut før skolebyte blir vedteke. Dette vil gjelde saker der behovet for å verne medelevane er særleg stort, til dømes der ein elev har opplevd eit grovt seksuelt overgrep frå ein eller fleire medelevar, drapsforsøk eller andre ekstreme former for vald, og det ikkje er forholdsmessig eller rimeleg å krevje at det først skal setjast inn tiltak på skolen.

Det følgjer av § 9 A-13 fjerde ledd at kommunen gjer vedtak for elevar i grunnskolen og at fylkeskommunen gjer vedtak for elevar i vidaregåande opplæring. Det følgjer av forarbeida at denne oppgåva ikkje kan delegerast til rektor på skolen.

Før vedtak om skolebyte skal den som gjer vedtaket, rådføre seg med rektor og lærarane til eleven og sørge for at eleven blir høyrd, jf. opplæringslova § 9 A-12 femte ledd. Det beste for eleven skal vere eit grunnleggjande omsyn i saksbehandlinga, jf. det sjette leddet til paragrafen.

Skolebyte kan ikkje påleggjast dersom det inneber at eleven må flytte ut av heimen, eller om dagleg skyss ikkje er forsvarleg, jf. § 9 A-12 tredje ledd. Kva som er forsvarleg skyss, er nærmare regulert i opplæringslova kapittel 7.

For elevar i vidaregåande opplæring gjeld det ytterlegare avgrensingar på moglegheita til å påleggje skolebyte. Elevane har rett til å halde fram på same utdanningsprogram og programområde, jf. opplæringslova § 9 A-12 andre ledd andre punktum. Dette inneber at eleven må kunne få tilbod om ein fagkombinasjon som gjer at eleven

kan fullføre til planlagd tid. Avvik frå dette kan berre gjerast dersom eleven samtykkjer til det.

Pålagt skolebyte for elevar i vidaregåande opplæring føreset at reglane for inntak blir følgde. Departementet viser til reglane om inntak til vidaregåande opplæring i forskrift til opplæringslova kapittel 6 og dei lokale forskriftene til fylkeskommunane.

#### 34.4.2 Høyringsforslaget

Departementet foreslo

- å vidareføre reglane om pålagt skolebyte med språklege forenklingar
- å ikkje vidareføre reglane om at kommunane og fylkeskommunane skal rádføre seg med rektor og lærarane til eleven før vedtak om pålagt skolebyte blir gjort
- at reglane om retten eleven har til å bli høyrd og omsynet til det beste for barnet ikkje blir vidareførte i paragrafen om pålagt skolebyte
- å lovfeste at det er kommunen og fylkeskommunen sjølve som gjer vedtaket om skolebyte (og ikkje rektor ved kvar enkelt skole)

Med dette høyringsforslaget følgde departementet i hovudsak opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 37. Opplæringslovutvalet foreslo at elevar også skulle kunne bli pålagt skolebyte dersom oppførselen gjekk alvorleg ut over «trivselen» (i tillegg til tryggleiken eller læringa) til ein eller fleire medarbeidarar. Departementet følgde ikkje opp dette forslaget i høyringa.

#### 34.4.3 Høyringsinstansanes syn

##### 34.4.3.1 Høve til og vilkår for pålagt skolebyte

23 høyringsinstansar har uttalt seg om forslaget. Dei aller fleste høyringsinstansane støttar ei vidareføring av paragrafen heilt eller delvis. Ein høyringsinstans påpeikar at presiseringa om at plikta skolen/skoleeigar har til å vurdere mindre inngripande tiltak, er god.

*Foreldrenettverk mot mobbing* meiner at pålagt skolebyte er eit svært inngripande tiltak, men at det er heilt nødvendig at lovverket har ein slik regel. Organisasjonen meiner at det er grunn til å tru at det er eit stort misforhold mellom saker der ein elev blir pålagt å byte skole, og saker der elevar ufrivillig må byte skole fordi dei ikkje får retten til eit trygt skolemiljø oppfylt.

*Redd Barna* støttar ikkje ei vidareføring av regelen, men ønskjer i staden at elevar berre kan

flyttast til ein annan skole dersom politiet vurderer at besøksforbod er rett av omsyn til andre elevars tryggleik, og dersom det beste for barnet for alle partar er vurdert.

##### 34.4.3.2 Saksbehandlingsreglar om pålagt skolebyte

I underkant av 20 høyringsinstansar har uttalt seg om dei foreslalte saksbehandlingsreglane for saker om pålagt skolebyte. Høyringsinstansane er delte i sitt syn på departementets forslag om å ikkje å regulerer saksbehandlingsreglar som uansett følgjer av forvaltningslova eller andre paragrafar i opplæringslova i paragrafen om pålagt skolebyte. Fleire høyringsinstansar, inkludert fleire kommunar, støttar departementets forslag, utan å knyta kommentarar til dette.

Ein del høyringsinstansar meiner at saksbehandlingsreglane er for viktige til at dei kan takast ut av paragrafen, sjølv om det vil inneber ei dobbeltregulering, og viser til at vedtak om skolebyte er svært inngripande for eleven. *Barneombodet, Statsforvaltaren i Oslo og Viken, Forandringsfabrikken Kunnskapssenter* og *Utdanningsforbundet* er blant desse.

Berre eit fåtal høyringsinstansar har uttalt seg om spørsmålet om myndet til å gjere vedtak skal kunne delegerast. *Barneombodet* og *Nordland fylkeskommune* støttar at skoleeigaren ikkje skal kunne delegere myndet til å gjere vedtak, og viser til at vedtak om pålagt skolebyte er så inngripande at myndet til å gjere vedtak bør liggje hos kommunane og fylkeskommunane.

*KS* peikar på at skolen ikkje er eit rettssubjekt, og at ansvar og mynde som hovudprinsipp skal leggjast til kommunestyret eller fylkestinget, som kan delegere til andre folkevalde organ, ordføraren eller kommunedirektören innanfor lovmeslige rammer. *KS* meiner at ordlyden «selv gjør vedtak» vanlegvis vil innebere ei delegeringssperre. *KS* viser til at i kommunelova blir kommunestyret brukt eller fylkestinget sjølv, og «selv» er ei sperre mot at vedtakskompetansen kan delegerast til andre folkevalde organ eller til administrasjonen. *KS* føreset at det ikkje er meiningsa at desse vedtaka skal til kommunestyret eller fylkestinget.

#### 34.4.4 Departementets vurdering

##### 34.4.4.1 Høve til og vilkår for pålagt skolebyte

Det finst ingen offisielle tal på saker der kommunen eller fylkeskommunen har vedteke skolebyte med heimel i § 9 A-12. Ei spørjeundersøking gjen-

nomført av departementet i juni 2020 viser at statsforvaltarane (den gong kalla fylkesmenn) i perioden 2019 og til første halvdel av 2020 fekk seks klager på kommunen eller fylkeskommunen sitt vedtak om skolebyte etter § 9 A-12. Departementet har grunn til å tru at tiltaket blir brukt i liten grad.

Departementet har grunn til å tru at det er langt fleire elevar som byter skole fordi dei opplever at dei ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, enn talet på elevar som blir pålagt skolebyte.

Departementet foreslår, til likt med i høyringa, å vidareføre regelen om pålagt skolebyte og vilkåra for å kunne påleggje skolebyte mot viljen til eleven.

Saker om skolebyte er krevjande for alle involverte. Skolebyte mot viljen til eleven er eit svært inngripande tiltak. Vilkåra som må vere oppfylte for å kunne vedta pålagt skolebyte, er derfor svært strenge. Grunnvilkåret er at oppførselen til eleven går alvorleg ut over tryggleiken eller læringa til ein eller fleire medelevarar, se forslaget til § 13-2 første ledd. Om oppførselen til eleven går «alvorleg» ut over tryggleiken eller læringa til andre elevar, må vurderast konkret med utgangspunkt i opplevinga til medelelevane, men det skal også gjerast ei fagleg vurdering av kva slags oppførsel som vanlegvis er eigna til å gå ut over tryggleiken og læringa til andre elevar i alvorleg grad. Oppførselen til ein enkeltelev må vere ei vesentleg årsak til at éin eller fleire medelevarar ikkje har det trygt og godt på skolen eller lærer mindre. Dei negative verknadene for medelelevane må vere kvalifiserte. Dersom skolen meiner at skolebyte vil vere det beste for ein elev, men oppførselen til eleven ikkje utgjer eit problem for éin eller fleire medelevarar, kan det ikkje påleggjast skolebyte. Både forhold som skjer på skolen, og forhold som skjer på fritida, kan grunngi skolebyte dersom det påverkar skolemiljøet til andre elevar.

I forarbeida til dagens regel er pålagt skolebyte først og fremst reservert for saker som har gått føre seg over lang tid og stadig har vorte meir belastande for dei involverte elevane, jf. Prop. 88 L (2018–2019) s. 62. Slike saker kan påverke tryggleiken og læringa til medeleven i alvorleg grad. Samtidig kan også alvorlege enkeltilfelle, til dømes tilfelle av svært grov vald, kvalifisere til pålagt skolebyte. Denne forståinga blir vidareført.

På grunn av konsekvensane eit skolebyte får for eleven, foreslår departementet å vidareføre avgrensingane i høvet til å påleggje skolebyte sjølv om grunnvilkåret er oppfylt, sjå forslaget til § 13-2 andre ledd.

For det første kan ein elev ikkje flyttast der som mindre inngripande tiltak vil kunne avhjelpe situasjonen. Dette inneber at som hovudregel skal andre tiltak prøvast ut og evaluerast før skolebyte kan påleggjast. Ordlyden opnar likevel for at det i heilt ekstraordinære tilfelle kan vedtakast skolebyte utan at andre tiltak er prøvde ut. På grunn av omsynet til det beste for medelevar og generelle rimelegheitsbetraktingar bør det ikkje gjelde ein absolutt regel om å prøve ut andre tiltak før skolebyte blir vedtatt.

Etter lovforslaget kan ein elev, som etter dagens reglar, heller ikkje flyttast dersom det fører til at eleven må flytte ut av heimen, eller flytinga gjer at dagleg skyss blir uforsvarleg. Som med dagens reglar skal ein elev i den vidaregåande skolen etter lovforslaget heller ikkje flyttast dersom det fører til at eleven må byte utdanningsprogram eller programområde. Slik departementet ser det, vil det vere uforholdsmessig å påleggje ein elev å byte skole i desse situasjonane.

#### *34.4.4.2 Saksbehandlingsreglar om pålagt skolebyte*

Departementet meiner at dagens presisering om at kommunen og fylkeskommunen skal rádføre seg med rektor og lærarane til eleven før det blir gjort enkeltvedtak om skolebyte, inneber ei dobbeltregulering i strid med prinsippa for regelstyring, og foreslår derfor å ikkje vidareføre denne. Desse saksbehandlingsreglane følgjer allereie av reglane i forvaltningslova om krav til forsvarleg opplysning av saka.

I saker om pålagt skolebyte vil det i praksis vere vanskeleg å tenkje seg tilfelle der kommunane og fylkeskommunane vedtek skolebyte utan å først ha rádført seg med tilsette ved skolen til den aktuelle eleven. Dette taler også for at det ikkje er behov for å vidareføre rádføringsplikta.

Når det gjeld omsynet til det beste for eleven og retten elevane har til å bli høyrd, vil det bryte med systematikken i lova å ta inn eigne reglar om dette i paragrafen om skolebyte i tillegg til dei generelle reglane i lovforslaget om §§ 10-1 og 10-2, jf. punkt 10 og 21. Departementet foreslår derfor ikkje å vidareføre desse reglane.

Pålagt skolebyte er eit svært inngripande tiltak for eleven det gjeld. Departementet meiner at kommunen og fylkeskommunen ikkje bør ha høve til å delegera myndet til å gjere vedtak i slike saker til til dømes til rektor ved den skolen eleven går på. Saker om skolebyte vil vanlegvis vere krevjande, og behandlinga av desse sakene bør løftast opp frå kvar enkelt skole. Departementet

ser at ei vidareføring av delegeringssperra vil innebere ei at det framleis er ei avgrensing i det kommunale sjølvstyret, men meiner at dette er nødvendig set opp mot kor inngripande ei avgjerd om skolebyte er for kvar enkelt elev. Departementet foreslår derfor å vidareføre dagens regel om at myndet til å gjere enkeltvedtak om skolebyte, ikkje kan delegerast til rektor eller andre tilsette ved skolen, og at dette blir klargjort i den nye paragrafen.

Det er ikkje meiningsa at avgjerala må takast av kommunestyret eller fylkestinget, jf. merknaden til KS. Kommuneadministrasjonen skal framleis ha høve til å ta avgjerder om skolebyte, men ikkje kvar enkelt skole.

#### **34.4.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår å

- å vidareføre regelen om pålagt skolebyte med språklege forenklingar, sjå forslaget til § 13-2
- å ikkje vidareføre dobbeltreguleringa om at kommunane og fylkeskommunane skal rådføre seg med rektor og lærarane til eleven før det blir gjort vedtak om pålagt skolebyte
- at dobbeltreguleringa om retten eleven har til å bli høyrd, og omsynet til det beste for barnet ikkje blir vidareførte i paragrafen om pålagt skolebyte
- å lovfeste at kommunen og fylkeskommunen ikkje kan delegere myndet til å gjere vedtak om skolebyte til den enkelte skole, sjå forslaget til § 13-2 tredje ledd

### **34.5 Forbod mot ansiktsdekkjande plagg i opplæringa for elevar og tilsette i skolen**

#### **34.5.1 Dagens reglar**

Det følgjer av opplæringslova § 9-7 første ledd at det er forbode for elevar å bruke klesplagg som heilt eller delvis dekkjer ansiktet, i samband med undervisninga og vurderingssituasjonar, i leksehjelpsordninga og i skolefritidsordninga. Forboden gjeld også på turar og arrangement i regi av skolen.

Dagens forbod mot bruk av ansiktsdekkjande plagg i opplæringa inneber at bruk av nikab og burka er forboden i opplæringssituasjonen.

Forboden gjeld også opplæring i bedrift og for dei som underviser på skolen. Personar som arbeider i skolefritidsordninga eller leksehjelpe-

ordninga, er også omfatta av «dei som underviser på skolen».

Det er gjort unntak for ansiktsdekkjande plagg som blir brukt på grunn av «klimatiske, pedagogiske, helsemessige eller tryggleiksmessige forhold» i § 9-7 tredje ledd. I forarbeida blir utkledingutstyr, bandasjar, munnbind eller verneutstyr nemnde som døme på slike unntak.

I dei fjerde og femte ledda til paragrafen kjem det fram at skolen kan nytte reaksjonar som følger av ordensreglementet, overfor elevar som bryt forbodet. I forarbeida blir det presisert at dialog alltid skal prøvast.

Det er også innført forbod mot ansiktsdekkjande plagg i andre lover, for å sikre at forboden ikkje berre gjeld i grunnopplæringa, skolefritidsordninga og leksehjelpa, men i all utdanning: i barnehagar, på folkehøgskolar, på fagskolar, i opplæring av nykomne innvandrarar og i høgare utdanning.

Å bruke ansiktsdekkjande plagg for å markere den religiøse trua si kan falle inn under retten til å gi uttrykk for religionen sin. I ei fråsegn frå 2017 konkluderte Lovavdelingen med at eit nasjonalt forbod mot ansiktsdekkjande plagg i barnehagar og utdanningsinstitusjonar ikkje vil vere i strid med Grunnlova og Noregs folkerettslege forpliktingar.

Departementet la i Prop. 51 L (2017–2018) til grunn at eit forbod mot å bruke plagg som heilt eller delvis dekkjer til ansiktet, ut frå omsynet til god samhandling og kommunikasjon, vil ligge innanfor det som er nødvendig, sakleg og forholdsmessig forskjellsbehandling etter likestilings- og diskrimineringslova.

#### **34.5.2 Høyringsforslaget**

Departementet foreslo

- å vidareføre forboden mot bruk av ansiktsdekkjande plagg i opplæringa for elevar og for dei som jobbar i skolen
- språklege forenklingar i paragrafen
- ikkje å vidareføre forboden mot bruk av ansiktsdekkjande plagg for lærlingar og andre som har lærerid i bedrift.

Sistnemnde forslag blir behandla saman med andre reglar om vidaregåande opplæring i bedrift, sjå punkt 42.

Med dette høyringsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 37.

### **34.5.3 Høyringsinstansanes syn**

Forslaget er kommentert av om lag 15 høyringsinstansar. Dei aller fleste høyringsinstansane som uttaler seg, støttar at forbodet blir vidareført. Høyringsinstansane peikar mellom anna på at vidareføringa vil sikre gode føresetnader for kommunikasjon i undervisningssituasjonen og i det sosiale samværet mellom elevane, og at dersom forbodet har eit sakleg formål, vil det vere rimeleg.

*Utdanningsforbundet* er samd i at bruk av ansiktsdekkjande plagg er uønskt, men ser ikkje behov for nasjonale reglar fordi bruken er marginal. *Utdanningsforbundet* meiner at den tidlegare ordninga med opning for lokale forbod er tilstrekkeleg. *Elevorganisasjonen* er imot forslaget og meiner at eit forbod verkar stigmatiserande for det fåtalet av elevar det omhandlar.

### **34.5.4 Departementets vurdering**

Departementet foreslår å vidareføre forbodet mot ansiktsdekkjande plagg i opplæringa for elevar og tilsette i skolen.

Det er eit svært avgrensa erfarings- og kunnskapsgrunnlag om bruken av ansiktsdekkjande plagg i opplæringa. *Utdanningsforbundet* har påpeika at bruken av ansiktsdekkjande plagg i undervisningssituasjonar er marginal. Det kan derfor innvendast at det er eit avgrensa behov for å regulere bruken av slike plagg.

Departementet meiner likevel at eit forbod mot ansiktsdekkjande plagg er nødvendig fordi god samhandling og kommunikasjon, der ein kan sjå ansiktet til kvarandre, er viktig for å oppnå eit godt læringsmiljø og eit godt læringsutbytte.

Retningslinjene for regelstyring fastslår at nasjonale reglar bør brukast for å bidra til likskap og likeverd. Nasjonale reglar kan vere nødvendig når det er viktig med like reglar over heile landet. Det følgjer av rettleiinga om statleg styring punkt 4.2 at omsynet til mellom anna rettstryggleik og likeverdige tenester kan grunngi statleg regelstyring som avgrensar fridommen til kommunane og fylkeskommunane.

Departementet meiner at eit nasjonalt forbod vil sikre like reglar og vareta likebehandling.

Departementet foreslår å presisere i lovteksten at bruk av ansiktsdekkjande plagg også er lov dersom dette tener pedagogiske eller sosiale formål (til dømes utkledningsleik, skodespel med meir). Presiseringa inneber ikkje ei endring frå gjeldande rett.

### **34.5.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår å vidareføre forbodet mot bruk av ansiktsdekkjande plagg i opplæringa for elevar og for dei som jobbar i skolen, sjå forslaget til § 27-2.

## 35 Opplæring om kristendom, religion, livssyn og etikk, fritak frå aktivitetar og forbod mot forkynning i opplæringa

### 35.1 Innleiing

Dette punktet handlar om retten elevane har til fritak frå delar av undervisninga på grunnlag av livssyn eller religion.

Punktet handlar også om opplæringa om emna kristendom, religion, livssyn og etikk og faget KRLE. Vidare handlar punktet om forbod mot forkynning i opplæringa.

### 35.2 Dagens reglar

#### 35.2.1 Fritak frå aktivitetar i opplæringa

Fritak frå aktivitetar m.m. i opplæringa er regulert i opplæringslova § 2-3 a. Retten til fritak gjeld for elvar i grunnskolen. Det er ikkje tilsvarande reglar for den vidaregåande opplæringa.

Skolen skal vise respekt for dei religiøse og filosofiske overtydingane til elevane og foreldra og sikra retten til likeverdig opplæring, jf. første ledd i paragrafen. Lovteksten gjer tydeleg krav som menneskerettane stiller til staten når det gjeld alle fag, ikkje berre KRLE-faget.

Elevane har rett til fritak frå delar av undervisninga på grunnlag av eige livssyn eller eigen religion, jf. § 2-3 a andre ledd. Retten til fritak gjeld dei delane av undervisninga som elevane ut frå eigen religion eller eige livssyn opplever som utøving av ein annan religion eller tilslutning til eit anna livssyn, eller som dei på same grunnlag opplever som støytande eller krenkjande.

Elevane kan ikkje krevje fritak frå opplæring om kunnskapsinnhaldet i dei ulike emna i læreplanen, jf. tredje ledd første punktum. Fritaksretten er derfor avgrensa til dei aktivitetane og arbeidsmåtane som skolane vel for å formidle kunnskapen. Elevane kan til dømes ikkje krevje kjønnsdelt undervisning på bakgrunn av religion og dermed heller ikkje fritak fordi undervisninga ikkje er kjønnsdelt. Departementet viser til punkt 14 om organiseringa av opplæringa, der kjønnsdelt undervisning er tema.

Fritak føreset skriftleg melding frå foreldra, men det er ikkje nødvendig at foreldra gir ei grunning. Fritaksretten skal ta utgangspunkt i oppfatninga til foreldra, men gjeld berre fritak frå aktivitetar som med *rimeleg grunn* kan opplevast som utøving av annan religion eller tilslutning til andre livssyn, jf. Ot.prp. nr. 91 (2004–2005) *Om lov om endringar i opplæringslova og friskolelova*. Dersom skolen ikkje godtek ei melding om fritak, er skolen forplikta til å behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Elevar som har vorte 15 år, gir sjølve skriftleg melding om fritak.

Skoleeigaren skal årleg informere elevane og foreldra både om reglane for fritak og om innhaldet i opplæringa, jf. femte ledd.

Reglane om fritak var tidlegare teken inn i § 2-4, men vart skild ut i 2005 for å gjøre det tydeleg at reglane ikkje berre var knytt til faget som då heitte kristendoms-, religions- og livssynskunnskap (KRL), men til heile grunnskoleopplæringa. Lovendringa var ein del av oppfølginga av avgjerdar fra FN-s menneskerettskomité om at rammen rundt KRL-faget, inkludert den avgrensa moglegheita til fritak, var i strid med artikkel 18 nr. 4 i FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar.

Reglane om rett til fritak i opplæringslova § 2-3 a gjeld også elevar i private grunnskolar godkjende etter opplæringslova § 2-12.

#### 35.2.2 Opplæringa i faget kristendom, religion, livssyn og etikk

Grunnskoleopplæringa i faget kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE) er i dag lovregulert i opplæringslova § 2-4.

Det er presisert i første leddet til paragrafen at faget er eit ordinært «skolefag» som normalt skal samle alle elvar. Undervisninga skal gi kjennskap til kristendommen og andre verdsreligionar og livssyn, til kva kristendommen har å seie som kulturarv, og til etiske og filosofiske emne, jf. andre ledd i paragrafen. Vidare skal undervisninga i

KRLE-faget bidra til forståing, respekt og evne til dialog mellom menneske med ulik oppfatning av trus- og livssynsspørsmål.

Undervisninga i KRLE skal presentere ulike verdsreligionar og livssyn på ein «objektiv, kritisk og pluralistisk måte». Formuleringane «objektivt, kritisk og pluralistisk» er tekne inn i paragrafen for å sikre at faget er i samsvar med menneskerettane, mellom anna den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) artikkel 9 og første tilleggsprotokoll artikkel 2. I forarbeida til § 2-4 er det presisert at religionar og livssyn skal behandles kvalitativt likt.

Undervisninga i faget skal ikkje vere forkynnande. Det er lagt til grunn at lova heller ikkje opnar for forkynning i andre fag, sjølv om dette ikkje er eksplisitt regulert i lovteksten.

### 35.3 Høyningsforslaget

I høyringa foreslo departementet

- å vidareføre retten til fritak frå aktivitetar på grunnlag av livssyn eller religion i opplæringa i grunnskolen, men slik at retten også gjeld elevar i vidaregåande opplæring
- å vidareføre måla for KRLE-faget i lova
- å vidareføre at reglane om opplæringa om kristendom, religion, livssyn og etikk og reglane om fritak frå aktivitetar står i to ulike paragrafar
- å presisere at kristendom, andre religionar, livssyn og etikk skal presenterast på ein objektiv, kritisk og pluralistisk måte uavhengig av kva fag opplæringa om desse emna blir gitt i
- å presisere at forbodet mot forkynning gjeld all opplæring

Med dette følgde departementet delvis opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 43. Opplæringslovutvalet foreslo å ikkje vidareføre måla for KRLE-faget i lova.

### 35.4 Høyningsinstansanes syn

Det har komme inn 13 høyningsinnspeil til forslaga om KRLE og fritak frå aktivitetar. Dei fleste forslaga har i all hovudsak fått brei støtte.

Forslaget om å vidareføre retten til fritak frå delar av undervisninga, men slik at retten også skal omfatte elevar i vidaregåande opplæring, har fått brei støtte blant dei 13 høyningsinstansane som uttaler seg, mellom anna frå *Barneombodet*.

Enkelte høyningsinstansar har likevel meint at fritaksretten bør fjernast fordi aktivitetane i under-

visninga uansett ikkje skal vere diskriminerande, og då burde alle kunne delta i dei. *Universitetet i Agder* meinte det er viktig å kunne innlemma alle elevar og lærlingar i aktivitetane i alle fag, og at elevane lærer best forståing og respekt av auka kunnskap, ikkje av fritak.

*Human-etisk Forbund* støttar departementets forslag om å vidareføre dagens fritaksrett for elevar i private grunnskolar godkjende etter opplæringslova.

Flirtalet av dei høyningsinstansane som har uttalt seg, er imot å lovfeste måla for KRLE-faget. Blant instansane som går imot lovfesting, er *Utdanningsforbundet* og *Human-etisk Forbund*. Det blir vist til at målformuleringar for fag eignar seg best i læreplanverket, og at tilsvarande formuleringar dessutan blir løfta fram i paragrafen om formålet med opplæringa, som blir foreslått vidareført i den nye formålsparagrafen.

*Bibelskapet* og *Noregs Kristne Råd* er for ei lovfesting.

### 35.5 Departementets vurdering

#### 35.5.1 Rett til fritak frå aktivitetar i opplæringa, også i vidaregåande skole

Departementet foreslår å vidareføre retten til fritak frå aktivitetar i opplæringa. Departementet meiner at elevar i vidaregåande opplæring bør ha same rett til fritak som elevar i grunnskolen, jf. mellom anna barnekonvensjonen artikkel 14, og foreslår derfor at retten til fritak skal gjelde både elevar i grunnskolen og vidaregåande skole. Departementet understrekar at paragrafen ikkje skal gjelde for dei som har læretid i bedrift. I tillegg til paragrafen om formålet med opplæringa gjeld dei alminnelege reglane for arbeidstakrarar for dei som har læretid i bedrift.

Tanke-, samvits- og religionsfridommen barnet har, er tema i barnekonvensjonen artikkel 14. På skolefeltet inneber dette mellom anna at barn ikkje skal tvingast til å avdekke den religiøse trusretninga si eller til å praktisere ein bestemt religion. I mange land er religiøs opplæring del av skolepensumet. Barnekonvensjonen krev at barnet kan få fritak frå å delta i religiøse aktivitetar dersom barnet, eventuelt med godkjenninga til foreldra, ber om det. I så fall krevst igjen at barnet blir tilbydd tilfredsstillande alternativ undervisning.

Opplæringa i norsk skole skal ikkje vere forkynnande eller innebere religionsutøving. Likevel meiner departementet at det er behov for at elevar kan få fritak frå aktivitetar som dei kan oppleve

som utøving av ein annan religion eller tilslutning til eit anna livssyn enn sitt eige.

Departementet foreslår at elevane skal ha rett til fritak frå aktivitetar som dei oppfattar som støytande eller krenkjande på same grunnlag. Retten til fritak skal, som i dagens paragraf, berre gjelde fritak frå aktivitetar som med rimeleg grunn kan opplevast som utøving av ein annan religion eller tilslutning til eit anna livssyn eller som støytande eller krenkjande.

Departementet understrekar at det uansett bør leggjast til rette for ei inkluderande opplæring slik at flest mogleg kan delta. Paragrafen er altså ein sikringsventil.

Vidare foreslår departementet å presisere i lova at elevane ikkje kan krevje fritak frå kompetansemåla i læreplanane i fag. Elevane kan få fritak frå aktivitetar, men ikkje frå kompetansemåla.

Elevar som får fritak frå aktivitetar, skal få tilbod om ein annan opplæringsaktivitet. Departementet foreslår at lova skal presisere at opplæringa som blir gitt, skal ha eit tilsvarande fagleg innhald. Dette sikrar at elevar som får fritak frå aktivitetar, får likeverdig opplæring, sjå dagens § 2-3 a første ledd.

Departementet meiner derimot at det ikkje er nødvendig å videreføre presiseringa i paragrafen om fritak at skolen «skal visa respekt for elevane og foreldra sine religiøse og filosofiske overtydin-gar». Dette følgjer av paragrafen om formålet med opplæringa.

Departementet meiner at det heller ikkje er nødvendig å videreføre § 2-3 a tredje ledd andre punktum om at skolen skal behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova når skolen ikkje godtek melding om fritak. Dette er ei dobbeltregulering fordi det same kravet følgjer av forvaltningslova. Når kommunane og fylkeskommunane, eller eventuelt skolen etter delegering, tek stilling til eit krav om fritak, er avgjerda eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2. Dette enkeltvedtaket kan klagast på etter reglane i forvaltningslova.

Departementet foreslår å ikkje videreføre at kommunane årleg skal informere elevane og foreldra både om reglane for fritak og om innhaldet i opplæringa. Departementet viser til at dette vil følgje av forslaget til den generelle informasjonsplikta skolane har. Departementet foreslår også å ikkje videreføre at det står i lova at skolen skal sjå til at fritaket blir gjennomført.

Elevar som har vorte 15 år, gir sjølve melding om fritak. Dette følgjer av forslaget til § 24-5 om sjølvråderett for dei som har fylt 15 år.

Departementet understrekar at reglane om fri-tak er knytt til all opplæring, og at reglane derfor ikkje er plassert saman med reglane om krav til opplæringa om kristendom, andre religionar, livssyn og etikk i éin paragraf.

### **35.5.2 Forbod mot forkynning i all opplæring**

Departementet meiner at den nye lova bør presisere at opplæringa ikkje skal vere forkynnande. Forslaget gjeld både grunnskolen og den vidaregåande opplæringa og både KRLE og andre fag. I dagens lov er forkynnungsforbodet berre regulert uttrykkjeleg for KRLE-faget og berre for grunnskolen, jf. § 2-4 første ledd andre punktum. For å gjere tydeleg at forbodet mot forkynning skal gjelde all opplæring, foreslår departementet at forbodet mot forkynning blir skilt ut som ein eigen paragraf i den nye lova.

### **35.5.3 Opplæringa om kristendom, andre religionar, livssyn og etikk**

Departementet meiner at det bør komme fram av lova at emna religion og livssyn skal presenterast på ein objektiv, kritisk og pluralistisk måte, uavhengig av kva fag opplæringa blir gitt i. I dagens opplæringslov er dette berre presisert for KRLE-faget. Det finst døme på opplæring i desse emna som ikkje går føre seg innanfor KRLE-faget, og regelen blir derfor ikkje foreslått knytt til eit konkret fag, men til all opplæring. Formålet med endringa er å sikre at opplæringa om desse emna er i samsvar med menneskerettane uavhengig av kva fag opplæringa blir gitt i.

Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) har fastslått at KRLE-faget og rammene rundt faget, slik det var fastsett i 1997, streid mot den første tilleggsprotokollen til europeiske menneskerettskonvensjonen artikkel 2 (i saka Folgerø mfl. mot Noreg, 29. juni 2007). Formålet med forslaget er å sikre at opplæringa er i samsvar med menneskerettane, mellom anna EMK artikkel 9 og første tilleggsprotokoll artikkel 2, uavhengig av kva fag opplæringa blir gitt i.

Forslaget omfattar både grunnskole og vidaregåande opplæring.

Departementet har vurdert om det er tenleg å regulere KRLE-faget i den nye lova. I dagens opplæringslov er det ikkje sett rammer for nokon andre fag enn KRLE-faget, og det er presisert i § 2-4 første ledd at KRLE-faget er «eit ordinært skolefag».

Departementet meiner at ettersom KRLE-faget er eit ordinært skolefag, skal det behandlast

på same måte som dei andre faga. Det vil seie at reglar om målet og innhaldet i faget skal defineraast i læreplanen. Departementet foreslår derfor å ikkje vidareføre eigne reglar om KRLE-faget. Endringa kan innebere ei justering av læreplanen. Eventuelle endringar i læreplanen må sendast på høyring.

Departementet meiner at målformuleringer i fag eignar seg best i læreplanverket. Departementet vil dessutan vise til at målformuleringane som i dagens lov er fastsette for faget KRLE, også blir løfta fram i paragrafen om formålet med opplæringa, som er foreslått vidareført i den nye paragrafen om formålet med opplæringa, jf. forslaget til ny § 1-2.

Paragrafen om formålet med opplæringa fastset dessutan at opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som «respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet, verdiar som også kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn, og som er forankra i menneskerettane».

### **35.6 Departementets forslag**

---

Departementet foreslår

- å presisere ein rett til fritak frå aktivitetar i grunnskolen og den vidaregåande skolen på grunnlag av livssyn eller religion, sjå forslag til § 14-6 første ledd første punktum
- å ikkje regulere KRLE-faget direkte i lova
- å presisere at kristendom, andre religionar, livssyn og etikk skal presenterast på ein objektiv, kritisk og pluralistisk måte uavhengig av kva fag opplæringa om desse emna blir gitt i, sjå forslag til § 14-7
- å vidareføre at reglane om opplæringa om kristendom, religion, livssyn og etikk og reglane om fritak frå aktivitetar står i to ulike paragrafar, sjå forslag til §§ 14-6 og 14-7
- å presisere eit forbod mot forkynning i all opplæring, sjå forslag til § 14-5

## 36 Skoletur med overnatting

### 36.1 Innleiing

Dette punktet handlar om plikta for kommunen til å tilby elevane ein skoletur med overnatting som del av grunnskoleopplæringa.

### 36.2 Dagens reglar

Kommunane har ei plikt til å tilby elevane eit leirskoleopphold eller ein annan skoletur med overnatting som del av grunnskoleopplæringa. Dette følgjer av opplæringslova § 13-7 b. Turen skal ha minst tre samanhengande overnattingar. På grunn av gratisprinsippet i opplæringslova § 2-15 skal turen vere gratis for elevane.

Lovregelen vart innført i 2019, sjå Prop. 88 L (2018–2019).

### 36.3 Høyningsforslaget

I høyringa foreslo departementet å vidareføre dagens regel om at kommunen, som del av grunnskoleopplæringa, skal tilby elevane eit leirskoleopphold eller ein annan skoletur med minst tre overnattingar i samanheng.

Departementet følgde med dette høyningsforslaget ikkje opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 43.8, om å ikkje vidareføre plikta for kommunen til å tilby leirskole eller annan skoletur i ny opplæringslov.

### 36.4 Høyningsinstansanes syn

Det er om lag 30 høyningsinstansar som har uttalt seg om departementets forslag. Dei aller fleste støttar forslaget heilt eller delvis.

Blant dei som støttar høyningsforslaget fullt ut, er enkelte kommunar, *Utdanningsforbundet*, *Skolenes landsforbund* og *Handikappede Barns Foreldreforening*. Også *Norges Handikappforbunds Ungdom* støttar forslaget om å vidareføre dagens reglar og peikar på viktigheita av at inkluderingstankegangen er med heile vegen, og at alle barn må få til-

bod om dei same opplevingane, uavhengig av eventuelle ekstra behov.

Fleire av høyningsinstansane støttar forslaget berre delvis, ved at dei foreslår to endringar i dagens reglar. For det første ønskjer dei at minstekravet til varigheita til turen blir auka frå tre til fire netter, slik at alle får tilbod om ei heil skoleveke på tur. For det andre ønskjer dei at alternativet til «leirskole» om «annan skoletur» blir fjerna, eventuelt blir erstatta av «eller tilsvarende skoletur», slik at alle får tilbod om eit tradisjonelt leirskoleopphold med fokus på natur og friluftsliv. Blant dei som ønskjer dei nemnde to justeringane i lova, er *Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG)*, enkelte kommunar og leirskolar, *Norsk Leirskoleforening*, *Friluftsrådenes Landsforbund* og *Norsk friluftsliv*. *Norsk Leirskoleforening* meiner at kortare turar enn ei full skoleveke er øydeleggjande for kvaliteten på tilboden og gir ein vesentleg reduksjon i læringsutbyttet. Foreininga meiner vidare at innføringa av minstekravet på tre netter i 2019 har ført til auka etterspurnad etter kortare leirskoleopphold enn ei full skoleveke, noko som er negativt for kvaliteten på tilboden og læringsutbyttet til elevane. Foreininga meiner at omsynet til at alle elevar skal få vere med på leirskole, ikkje er til hinder for å fastsetje krav om fire netter i lova, då omsynet til elevar med særskilde behov kan varetakast med unntak i lova. Når det gjeld typen overnattingstur, meiner foreininga at det er viktig å sikre elevane eit tradisjonelt leirskoleopphold, og foreininga skriv mellom anna:

Naturopplevelse er leirskolens unike livsnerve, og den er det viktigere enn noen gang at alle barn får kjenne på og leke med. I dag lever mange fjernt fra naturens naturlige helsebringende virkning, erstattet med asfalt under føttene og stillesitting bak en skjerm. En mobilfri uke i naturen gir dybdelæring og setter varige spor som stimulerer til videre variert fysisk aktivitet i ulendt terreng, med naturen som kontemplasjon og psykisk velvære.

Foreininga meiner at lovfesting av eit tradisjonelt leirskoleopphold vil vareta tilstrekkeleg valfridom

for kommunane, då det er eit stort mangfald i leirskoletilbodet med stader på fjellet, i skogen og langs kysten.

To instansar støttar ikkje forslaget. *KS* ønskjer ikkje å ha ei lovfesta plikt for kommunane til å tilby skoletur med overnatting. Organisasjonen grunngir innspellet sitt med at både proporsjonalitets- og nærlieksprinsippet tilseier at dette bør vere ei lokal sak. *Sandefjord kommune* støttar innspellet frå *KS*.

## 36.5 Departementets vurdering

### 36.5.1 Plikt for kommunane til å tilby skoletur med overnatting

Departementet foreslår å vidareføre den lovfesta plikta for kommunane til å tilby ein skoletur med overnatting.

Departementet meiner at skoleturar med overnatting, slik som til dømes leirskolar, er viktige for den faglege og sosiale utviklinga til elevane, og at det er noko alle elevar bør få eit tilbod om i løpet av grunnskolen. For å sikre at elevane får eit slikt tilbod, bør det derfor framleis vere ei lovfesta plikt for kommunane til å tilby elevane ein skoletur med overnatting som del av grunnskoleopplæringa. Departementet viser også til at reglane er utforma slik at kommunane blir gitt stor fridom til å velje innhald og tema for turen. Kommunane kan også sjølv velje korleis turen skal organiserast.

### 36.5.2 Tre nettar som minstekrav

Departementet meiner dagens minstekrav på tre netter bør førast vidare, og meiner grunngivinga som vart formidla for dette ved innføringa av reglane, framleis står seg, nemleg at kravet om tre netter er eit balansert krav, som mellom anna tek omsyn til at alle elevar skal kunne vere med, også elevar med særskilde behov. Departementet vil understreke at kravet på tre nettar er eit minstekrav, og at kommunane kan velje å tilby elevane

ein skoletur over ei full skoleveke dersom dei ønskjer det og kan gjennomføra det.

Departementet vil vise til at kommunane frå hausten 2022 skal registrere varigheita på skoleturen dei tilbyr elevane, i Grunnskolens Informasjonssystem (GSI). Dette gir departementet høve til å følgje med på utviklinga av dei vala kommunane gjer, og eventuelt seinare greie ut og vurdere om det er grunn til å endra reglane.

### 36.5.3 Typen skoletur

Departementet er samd med dei høyrisin- stansane som påpeikar at eit tradisjonelt leirskoleopphold har mange positive element som mange barn vil ha glede av, mellom anna friluftsliv, natur og samhald. Det er likevel viktig å ikkje detaljregulere kommunane i for stor grad. Dagens ordlyd «leirskoleopphold eller annan skoletur» inneber at kommunane har stor fridom til å velje innhald og tema for turen. Kommunane kan også sjølv velje korleis turen skal organiserast.

Departementet meiner at det å lovfeste plikt til å tilby tradisjonell leirskole, det vil seie éin type skoletur, vil vere uheldig. Ei slik lovfesting vil i realiteten bety at dei tradisjonelle leirskolane får monopol på ei teneste kommunen etter lova pliktar å nytte. Ei eventuell lovfesting av éin type skoletur vil også krevje ein nærmare definisjon i lova av kva element ein slik tur må innehalde, både med tanke på organisering og innhald. Dette er ikkje greidd ut.

Departementet foreslår å vidareføre dagens reglar om at kommunen sjølv kan velje kva slags type skoletur elevane skal tilbydast.

## 36.6 Departementets forslag

Departementet foreslår å vidareføre dagens reglar om at kommunen, som del av grunnskoleopplæringa, skal tilby elevane eit leirskoleopphold eller ein annan skoletur med minst tre overnattingar i samanheng, sjá forslaget til § 4-6.

## **37 Skyss, reisefølgje og losji**

### **37.1 Innleiing**

Dette punktet handlar om rett til skyss for elevar i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa. I tillegg handlar punktet om retten elevar har til reisefølgje og tilsyn i samband med skyss og om losji når dagleg skyss ikkje er forsvarleg. Rett til skyss for vaksne er omtalt i punkt 43.28.

Retten til skyss er ein integrert del av retten til gratis skolegang. Mange elevar i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa er avhengige av skyss for å komme seg til og frå der dei bur, og staden dei får opplæring.

### **37.2 Dagens reglar**

#### **37.2.1 Skyss mellom heimen og skolen**

##### *Kven reglane gjeld for*

Det følgjer av opplæringslova kapittel 7 at elevar i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa har rett til gratis skyss mellom heimen og skolen når visse vilkår er oppfylt. Dei som har læretid i bedrift, har ikkje rett til skyss.

##### *Rett til skyss på grunn av lengda på skolevegen*

Retten til gratis skyss er først og fremst knytt til lengda på skolevegen: 2 km for elevar på 1. trinn, 4 km for elevar på 2. til 10. trinn og 6 km for elevar i vidaregåande skole. Dette følgjer av opplæringslova §§ 7-1 og 7-2. Det er presisert i forarbeida til lova, Ot.prop. nr. 46 (1997–98), at lengda på skolevegen skal rekna frå dør til dør «etter farande veg».

For elevar i vidaregåande skole kan fylkeskommunane velje om elevane skal tilbydast gratis skyss som fylkeskommunane organiserer, eller om elevane skal få dekt skyssen med full skyssgodtgjering og ordne den praktiske gjennomføringa sjølv, jf. opplæringslova § 7-2 første ledd.

Departementet kan gi forskrift om at skyssbehovet til elevar i vidaregåande skole kan dekkjast

på andre måtar, til dømes rabattordningar på offentleg transport, jf. opplæringslova § 7-2 første ledd tredje punktum.

##### *Rett til skyss uavhengig av lengda på skolevegen*

Elevar med behov for skyss på grunn av nedsett funksjonsevne eller mellombels skade eller sjukdom har rett til gratis skyss uavhengig av kor lang skolevegen er, jf. opplæringslova § 7-3.

Elevar i grunnskolen har også rett til gratis skyss uavhengig av avstand når skolevegen er «særleg farleg eller vanskeleg», jf. opplæringslova § 7-1 første ledd andre punktum. I vurderinga av om eleven har rett til skyss, skal alle relevante omsyn kartleggjast, jf. Ot.prp. nr. 46 (1997–98), kapittel 16.

I tillegg har elevar som treng transport med båt, rett til slik transport gratis, utan omsyn til avstanden mellom heim og skole, jf. § 7-1 andre ledd og § 7-2 første ledd andre punktum.

##### *Skyss for elevar som reiser frå to bustader*

Verken opplæringslova eller forarbeida til lova omtaler retten til skyss for elevar som reiser til skolen frå to ulike foreldreheimar, anten på grunn av at barnet bur fast hos dei begge, eller på grunn av avtalt eller fastsett samvær.

Kunnskapsdepartementet har i brev 29. juni 2017 til Sivilombodet (tidlegare Sivilombodsmannen) slått fast at barn kan ha rett til skyss til og frå skolen frå begge heimane når foreldra ikkje bur saman. Dette er presisert i Utdanningsdirektoratets rundskriv 2-2019. Kvar av reisestrekningane skal vurderast for seg. Retten til skyss gjeld også dersom ein av foreldra bur utanfor kommunen eller fylket der skolen ligg. Skyssretten er ikkje avhengig av bustadordning. Korleis tida er fordelt mellom foreldra, har ikkje betydning for retten til skyss. For at barnet skal ha rett til skyss, må likevel opphold hos kvar av foreldra vere ei fast, planlagd og regelmessig ordning. Improviserte, enkeltståande besøk gir ikkje rett til skyss.

### *Skyss til og frå skolefritidsordninga og leksehjelpe-tilbod*

Elevane har som hovudregel ikkje rett til skyss mellom heimen og skolefritidsordninga (SFO). Unntak frå hovudregelen gjeld for elevar med nedsett funksjonsevne, mellombels skade eller sjukdom og som på grunn av dette har behov for skyss. Desse elevane har rett til skyss mellom heimen og SFO, jf. opplæringslova § 7-3 andre ledd. Retten er knytt til opningstida for SFO og gjeld skyss til SFO før skoletid og heim frå SFO om ettermiddagen. Retten omfattar ikkje skyss til og frå SFO i skoleferiane.

Elevar har ikkje rett til skyss til og frå leksehjelpetilbodet. Opplæringslova gir heller ikkje rett til skyss til og frå kulturskoletilbod.

### **37.2.2 Reisefølgje og tilsyn i samband med skoleskyss**

Elevar i grunnskolen og vidaregåande opplæring som har rett til skyss, har rett til nødvendig reisefølgje, tilsyn eller begge delar. Dette følgjer av opplæringslova § 7-4. Retten til reisefølgje gjeld elevar som må ha følgjesperson for å kunne nytte seg av skoleskyssen, i hovudsak elevar med nedsett funksjonsevne, mellombels skade eller sjukdom.

Retten til tilsyn gjeld først og fremst når elevane på grunn av skoleskyssen eller organisering av skoledagen må vente på skoleområdet før og etter skoletid. I slike tilfelle må kommunen eller fylkeskommunen sørge for det tilsynet som er nødvendig. Kva som er nødvendig, vil avhenge av alderen på elevane og evna til å klare seg sjølv. Ein elev kan også ha rett til tilsyn når byte av skyssmiddel fører eleven i særleg farlege situasjonar, jf. merknader til § 7-4 i Ot.prp. nr. 46 (1997–98). Det følgjer av dei same forarbeida at tilsynsplikta til fylkeskommunane berre omfattar elevar som på grunn av nedsett funksjonsevne ikkje kan greie seg aleine i ventetida fram til skyssmiddelet går, eller til skoledagen startar.

Retten til reisefølgje og tilsyn gjeld også for elevar med nedsett funksjonsevne, mellombels skade eller sjukdom som får skyss til og frå skolefritidsordninga, jf. § 7-3 andre ledd siste punktum.

### **37.2.3 Moglegheita kommunane har til å stille vilkår om eigenbetaling av skyss når ein elev får innvilga søknad om skolebytte**

Retten til skyss gjeld mellom heimen til eleven og skolen utan nærmere presisering av om dette er nærskolen til eleven eller den skolen eleven til kvar tid går på, jf. opplæringslova §§ 7-1 og 7-2. I opplæringslova § 8-1, som gir reglar om skoletilhøyrsel og presiserer at ein elev kan søkje seg til ein annan skole enn den eleven soknar til, er det ikkje gitt reglar om at kommunen kan stille vilkår når kommunen innvilgar ein søknad om å gå på ein annan skole og det er heller ikkje kommentert i forarbeida til lova.

Etter ei konkret vurdering med utgangspunkt i grungivinga for søknaden om skolebytte har det vore praksis at kommunane i nokre tilfelle kan stille vilkår om eigenbetaling av skoleskyss ved innvilging av søknaden. Departementet skreiv om adgangen til å stille vilkår i brev til Sivilombodet 29. mai 2018:

Ut fra en samlet vurdering mener departementet derfor at lovens rett til gratis skyss til og fra «skolen» må forstås slik at den skal bidra til å sikre elevens rett til gratis skolegang. Den hindrer ikke at kommunen kan stille vilkår om betaling av skoleskyss dersom kommunen, innen rammen av det lokale selvstyret, innvilger søknader om skolebytte når det ikke er nødvendig for å oppfylle elevenes rettigheter.

Sivilombodet la i sak SOM-2017-3746 til grunn at staten meiner formålsbetraktningar knytt til samanhengen mellom retten eleven har til grunnskoleopplæring og retten til gratis skyss opnar for at det i nokre tilfelle kan stillast vilkår om eigenbetaling av skyssutgifter ved innvilging av søknad om annan skoleplass, så lenge retten til opplæring alt er sikra ved «nærskolen».

Det er ikkje mogleg å stille vilkår om eigenbetaling av skoleskyss dersom grunnen for å byte skole er å sikre retten til opplæring, til dømes for å hindre mobbing eller sikre retten til eit godt skolemiljø eller betre tilpassa opplæring, jf. Utdanningsdirektoratets rundskriv 2-2019. Dersom grunnen til søknaden om skolebytte derimot er å behalde kontakt med venner og å lette praktiske forhold for foreldra, kan det vere lov å stille vilkår om eigenbetaling av skyssen for å godta søknad om skolebytte.

### **37.2.4 Ansvaret for skyss, reisefølgje og tilsyn**

*Ansvarsfordeling mellom kommunane og fylkeskommunane*

Ansvaret for skyss til og fra skolen, reisefølgje og tilsyn er fordelt mellom kommunane og fylkeskommunane, jf. opplæringslova § 13-4. Den som har ansvaret for å oppfylle retten til skyss, har også ansvaret for å gjøre enkeltvedtak om skyss i tråd med reglane i forvaltningslova.

Fylkeskommunane har ansvaret for å oppfylle retten til skyss på grunn av lengda på skolevegen for elevar både i grunnskolen og i den vidaregående opplæringa. Fylkeskommunane skal også oppfylle skyssrettane for elevar med nedsett funksjonsevne, mellombels skade eller sjukdom og retten til nødvendig båtskyss. Kommunane skal dekkje vanleg personakst for grunnskoleelevar og betaler refusjon til fylkeskommunane for dette. Fylkeskommunane har i tillegg ansvaret for å oppfylle retten til reisefølgje og tilsyn for elevar i den vidaregående opplæringa.

Kommunane har ansvaret for å oppfylle retten til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg som er kortare enn 2 eller 4 km. Så lenge rettane blir oppfylt, kan kommunane la elevane bruke skyssruter som fylkeskommunane har etablert. Kommunane skal i slike tilfelle dekkje vanleg personakst.

Kommunane skal også oppfylle retten til reisefølgje og tilsyn for grunnskoleelevar og må dekkje alle kostnader knytte til tilsynet eller reisefølgjet, til dømes lønn og reiseutgifter for følgjespersonen.

#### *Skysstilbodet må vere forsvarleg*

Den som har ansvaret for skysstilbodet etter opplæringslova § 13-4, har også ansvaret for at tilboden er forsvarleg for den enkelte eleven. Dette følger av forarbeida til lova, Ot.prp. nr. 46 (1997–98) merknad til § 13-4:

Når fylkeskommunen har ansvaret for skyssen, må fylkeskommunen sørge for at skyssen er forsvarleg heilt frå skolen og fram tilheimen. Departementet viser i denne samanhengen til kommentaren til § 7-1 første leddet i lovutkastet, der det heiter at fylkeskommunen i vurderinga av rimeleg gangavstand til skyssmidde blant anna skal leggje vekt på alderen til eleven, på trafikktryggleik og på kor framkommeleg vegen er.

At skysstilboden skal vere forsvarleg, inneber også at standardane som gjeld for offentleg transport, må følgjast. Det betyr mellom anna at ein skolebuss eller drosje ikkje kan ta med fleire elevar enn bussen eller drosjen er godkjend for.

#### *Korleis skoleskyssen skal organiserast*

Det går ikkje fram av lova korleis skoleskyssen skal organiserast, anna enn at fylkeskommunane skal organisere skoleskyssen i samråd med kommunane, jf. opplæringslova § 13-4 andre ledd. Ifølgje merknadene til paragrafen, Ot.prp. nr. 46 (1997–98), inneber dette at kommunen skal vurdere organiseringa av skoleskyssen når timeplanen og skoleruta skal fastsetjast. Departementet har mynde til å gi rettsleg bindande pålegg der som kommunen og fylkeskommunen ikkje blir samde om organiseringa.

### **37.2.5 Losji**

#### *Losji for elevar i grunnskolen*

Dersom dagleg skyss ikkje vil vere forsvarleg, skal kommunen sørge for at grunnskoleelevar blir innlosjerte, jf. opplæringslova § 7-1 fjerde ledd første punktum.

Sidan barn har plikt til grunnskoleopplæring, har elevar i grunnskolen plikt til å bu ein annan stad enn i heimen dersom det er uforsvarleg med dagleg skyss til og fra heimen. Plikta står ikkje uttrykkjeleg i dagens opplæringslov, men følgjer av forarbeida til lova, Ot.prp. nr. 46 (1997–98), kapittel 16.4.2.

Om dagleg skyss er forsvarleg, blir avgjort etter ei konkret vurdering. Vurderinga baserer seg på den aktuelle eleven og den aktuelle reisestrekninga. Det skal mellom anna leggjast vekt på alderen og funksjonsevna til eleven, og reisetida og tryggleiken til eleven på reisa. I vurderinga kan kommunane også leggje vekt på om dagleg skyss fører til uvanleg store kostnader eller vanskar for kommunane. Dette følger av § 7-1 fjerde ledd andre punktum.

Dersom kommunane er i tvil om dagleg skyss er forsvarleg, skal foreldra avgjøre om eleven skal skyssast eller innlosjerast, jf. § 7-1 fjerde ledd tredje punktum.

#### *Losji for elevar i den vidaregåande opplæringa*

Elevar i den vidaregåande opplæringa har ikkje rett til gratis losji på same måten som elevar i grunnskolen. Fylkeskommunane skal likevel

hjelpe eleven med å skaffe ein stad å bu dersom eleven vel innlosjering på grunn av lang eller vanskeleg skoleveg. Dette følgjer av § 7-2 tredje ledd, som også pålegg fylkeskommunane å byggje elevbustader dersom det ikkje er mogleg å skaffe bustad på annan måte. Fylkeskommunane har ikkje plikt til å dekkje utgiftene eleven har til innlosjeringa.

Elevane i den vidaregåande opplæringa kan ikkje påleggjast å la seg innlosjere, slik elevar i grunnskolen kan. Elevar i den vidaregåande opplæringa kan derfor sjølv velje mellom skyss og innlosjering borte frå heimen. Opplæringslova inneheld elles inga øvre grense for retten til skyss for elevar i vidaregåande opplæring, slik som for elevar i grunnskolen, som berre har rett til skyss så lenge dagleg skyss er forsvarleg.

### 37.3 Høyringsforslaget

Departementet foreslo

- å vidareføre retten til skyss til og frå skolen for elevar i grunnskolen og i vidaregåande opplæring på bakgrunn av (1) talet på kilometer mellom heimen og skolen, (2) nedsett funksjonsevne og (3) behov for båttransport
- å vidareføre retten til skyss for elevar i grunnskolen på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg og presisere at dette også gjeld dersom det er ein del av vegen
- å vidareføre dagens reglar om rett til reisefølgje og tilsyn i ventetida før og etter opplæringa for elevar i grunnskolen og vidaregåande opplæring
- å vidareføre regelen om at dagleg skyss må vere forsvarleg som øvre grense for når ein elev i grunnskolen har rett til skyss
- å vidareføre retten til losji for grunnskoleelevar når dagleg skyss ikkje er forsvarleg, og regelen om at kommunen skal føre tilsyn med grunnskoleelevar som er innlosjerte
- å vidareføre dagens regel om at foreldra kan velje om eleven skal skyssast eller innlosjerast, dersom det er tvil om dagleg skyss er forsvarleg
- å presisere i lova at det ikkje er ei plikt til innlosjering for elevar i grunnskolen dersom dagleg skyss ikkje er forsvarleg. Foreldra kan i slike tilfelle velje å sørge for skyss for barnet sjølv
- å vidareføre dagens ordning om at fylkeskommunane skal hjelpe elevar i vidaregåande opplæring med å skaffe losji dersom dei vel innlosjering på grunn av lang eller vanskeleg skoleveg

- å vidareføre regelen om kva instans som har ansvar for skyss, reisefølgje og tilsyn
- å ikkje vidareføre heimelen til å gi forskrift om tryggleiken til elevane under skoleskyssen

Med dette høyringsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 30.

### 37.4 Høyringsinstansanes syn

#### 37.4.1 Rett til skoleskyss

Det er 16 høyringsinstansar som støttar eller delvis støttar departementets forslag om å i all hovudsak vidareføre rettane til skoleskyss. Dette er mellom anna *Sivilombodet*, *FUG*, *Statsforvaltaren i Innlandet*, *Viken fylkeskommune* og ei rekke kommunar.

Det er fleire som ønskjer sterkare rettar til skyss og har forslag til korleis reglane bør vere. *FUG* og *Bergen kommune* meiner skyssretten bør utvidast til også å gjelde til og frå skolefritidsordninga (SFO). *Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark* meiner at elevar med særskilde behov på 8. til 10. trinn som går på SFO-liknande tilbod, bør få rett til skyss.

Det er også fleire høyringsinstansar som meiner at skyssgrensa for rett til skyss bør endrast. *Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark* meiner at grensa bør vere 2 km for elevar på 1. til 4. trinn og 3 km for elevar på 5. til 7. trinn. *Redd barna* meiner at også andreklassingar bør ha ei grense på 2 km. *Elevorganisasjonen* meiner at det ikkje bør vere ei avstandsgrense for å få rett til skyss.

*Trøndelag fylkeskommune* vil endre grensa til 4 km for elevar i vidaregåande skole.

*Statsforvaltaren i Vestland* viser til at det er uheldig å leggje vekt på alderen til eleven ved vurdering av farleg skoleveg fordi elevane har ulik modnad og utvikling. Statsforvaltaren ber også departementet avklare om «ein del av vegen» er meint som ei realitetsendring.

#### 37.4.2 Om kommunane bør ha høve til å stille vilkår om eigenbetaling for skyss til ein annan skole enn den eleven soknar til

Det er få høyringsinstansar som har uttalt seg om spørsmålet om kommunane bør ha høve til å stille vilkår om eigenbetaling for skyss om det blir innvilga plass på ein annan skole enn den eleven soknar til. *Statsforvaltaren i Vestland*, *Bergen kommune*, *Bærum kommune* og *Nittedal kommune* gir uttrykk for at dei støttar at kommunen bør ha ei

slik moglegheit. Ingen av høyringsinstansane har likevel kommentert dette ytterlegare i innspela sine.

### **37.4.3 Reisefølgje og tilsyn i samband med skoleskyss**

Det er få høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget om ikkje å vidareføre heimelen til å gi forskrift om tryggleiken til elevane under skoleskyssen. *Bergen kommune*, *Nittedal kommune* og *Oslo kommune* støttar forslaget. FUG støttar ikkje forslaget, men kommenterer ikkje dette nærrare.

*Norsk forbund for utviklingshemmede* meiner at det bør gjerast tydeleg at reglane om reisefølgje og tilsyn bør tolkast slik at elevar med funksjonsnedsetjingar kan få reisefølgje sjølv om eleven ikkje har behov for reisefølgje i drosje.

### **37.4.4 Ansvar, mynde til å gjere vedtak og delegering**

Det er få høyringsinstansar som har uttalt seg om kven som bør ha ansvar og mynde til å gjere vedtak for skyss, reisefølgje, tilsyn og losji.

*Statsforvaltaren i Vestland*, *Bergen kommune*, *Bærum kommune* og *Nittedal kommune* støttar heilt eller delvis forslaget om å presisere i merknad at lova opnar for at myndet til å gjere vedtak kan delegerast. *Trygg trafikk* støttar ikkje forslaget fordi det kan innebere at elevar med rett til skyss ikkje får vurdert retten på ein forsvarleg måte.

## **37.5 Departementets vurdering**

### **37.5.1 Rett til skoleskyss**

Departementet foreslår at reglane om rett til skoleskyss i all hovudsak blir vidareførte. Retten til gratis skyss er ein grunnleggjande føresetnad for å sikre tilgjengeleg og gratis grunnskole og vidaregåande skole for elevane uavhengig av bustad. Departementet foreslår også at dagens reglar om ansvaret for skyss, reisefølgje og tilsyn blir vidareførte, jf. omtale i punkt 37.2.4.

Fleire høyringsinstansar har innspel til endringar i reglane om skyss. Dei viser både til at skyssretten bør utvidast til å gjelde til og frå skolefritidsordninga, og at avstandsgrensa for rett til skyss bør endrast. Departementet meiner at slike endringar vil krevje ei ytterlegare utgreiing. Både å utvida skyssretten og å endre avstandskravet vil ha vesentlege økonomiske konsekvensar. Depar-

tementet foreslår ikkje endringar på dette området.

Departementet foreslår å vidareføre dagens reglar om rett til skyss for elevar mellom skolen og heimen. Dette inneber mellom anna at avstandskrava, rettar knytte til båttransport, skyss ved særleg farleg eller vanskeleg skoleveg og skyss for elevar med nedsett funksjonsevne og mellombels skade eller sjukdom blir vidareført.

Departementet foreslår å gjere tydeleg i lovteksten at det er tilstrekkeleg at ein del av skolevegen er farleg eller vanskeleg. Dette er meint som ei presisering av gjeldande rett og inneber ikkje ei realitetsendring.

### **37.5.2 Om kommunane bør ha høve til å stille vilkår om eigenbetaling for skyss til ein annan skole enn den eleven soknar til**

Grunnskoleelevar kan søkje om å få gå på ein annan skole enn den skolen eleven er tildelt av kommunen. Dette er foreslått vidareført i forslaget til § 2-6, sjå omtale i punkt 12. Ein elev har ikkje rett til å byte skole, og det er opp til det frie skjønnet til kommunen å innvilge eller avslå ein søknad om skolebyte.

Departementet bad om synet til høyringsinstansane på om kommunane bør ha moglegheita til å stille vilkår om eigenbetaling av skoleskyss når ein elev søker om å få gå på ein annan skole enn nærskolen. Det er få instansar som har uttalt seg om spørsmålet, sjå punkt 37.4.2.

Når kommunane har fridom til å velje om ein søknad om skolebyte skal bli avslådd eller innvilgd, kan det argumenterast for at kommunen også bør kunne stille vilkår når søknaden blir innvilga. Ein konsekvens av å ikkje opne for å stille slike vilkår kan vere at fleire søknader enn i dag blir avslått for å hindre ei større kostnadsbelasting for kommunane.

Departementet meiner derfor at det bør vere ei opning for å stille vilkår om eigenbetaling der som innvilging av skolebyte fører til ekstra utgifter til skyss eller innlosjering.

Departementet meiner det framleis bør vere slik at det ikkje er mogleg å stille vilkår om eigenbetaling av skoleskyss dersom grunnen for å byte skole er å sikre retten til opplæring, til dømes for å hindre mobbing eller sikre retten til eit godt skolemiljø eller betre tilpassa opplæring, jf. Utdanningsdirektoratets rundskriv 2-2019. Dersom grunnen til søknaden om skolebyte derimot er å behalde kontakt med venner og å lette praktiske forhold for foreldra, kan det vere lov å stille vilkår om eigenbetaling av skyssen for å godta søknad

om skolebytte. Dette følgjer av dei ulike reglane sett i samanheng og departementet meiner det ikkje treng å regulerast eksplisitt i lova.

### **37.5.3 Reisefølgje og tilsyn i samband med skoleskyss**

Departementet foreslår at reglane om reisefølgje og tilsyn blir vidareførte.

Departementet vil understreke at plikta til å ha tilsyn med grunnskoleelevar i samband med skoleskyss ikkje berre er knytt til ventetid på skoleområdet. Det kan mellom anna også vere aktuelt dersom elevane må byta transportmiddel og det kan oppstå særleg farlege situasjonar i samband med bytet.

Reglane skal ikkje forståast slik at dei berre gjeld dersom eleven har behov for drosje. Rett til reisefølgje og tilsyn gjeld også på andre transportmiddel.

Departementet foreslår at heimelen til å gi forskrift om tryggleiken til elevane under skoleskysen ikkje blir vidareført. Heimelen er ikkje brukt, og det har ikkje komme innspel i høyringa som tilseier at det er nødvendig å ha ein slik forskriftsheimel.

### **37.5.4 Skyss til og frå fleire heimar**

Departementet foreslår at det blir presisert i lova at elevar som har fleire heimar, har rett til skyss til og frå kvar heim som oppfyller vilkåra for rett til skyss. For at det skal reknast som to heimar, er det tilstrekkeleg at eleven har fast og regelmessig opphold i to heimar. Grunnlaget kan vere avtale eller dom om delt bustad eller samvær mellom to foreldre. Improviserte, enkeltståande besøk gir ikkje rett til skyss. I tillegg meiner departementet at skyssretten også må gjelde når butida til eleven på fast og regelmessig basis er delt mellom foreldreheim og fosterheim, avlastningsheim eller besøksheim som er vedteke eller avtalt med barnevernet eller helse- og omsorgssektoren.

Det har vorte vurdert om det bør lovfestast ein øvre kostnads- eller avstandsgrense for skyssretten frå den heimen der eleven ikkje er folkeregistrert, eller om det skal gjelde same forsvarlegkrav som frå folkeregistrert adresse, slik dagens praksis er. Departementet viser til forslag i NOU 2020: 14 *Ny barnelov — Til barnets beste om å vidareføre denne avtalefridommen, og sluttar seg til konklusjonen frå utvalet. Den øvre grensa for rett til dagleg skyss vil gjelde også frå den heimen der grunnskoleeleven ikkje er folkeregistrert.*

### **37.5.5 Kor langt skyssretten gjeld**

Forsvarlegkravet gir både den nedre og den øvre grensa for kor langt skyssretten går. Det er to ulike vurderingar som må gjera, både om det konkrete skyssstilboden er forsvarleg (nedre grense), og om det er forsvarleg med dagleg skyss eller om eleven i staden har rett til losji (øvre grense).

Den nedre grensa for forsvarleg skyss handlar om retten den enkelte eleven har til skyss, er oppfylt. Relevante moment er mellom anna at gang-, reise- og ventetida samla sett må vere akseptabel, og at gangavstanden til transportmiddelet må vere rimeleg. Begge momenta må vurderast ut frå alderen og funksjonsevna til eleven. Gangavstanden må også vurderast opp mot trafikktryggleik og framkomme på den aktuelle gangstrekket. Vidare er den aktuelle reisestrekninga, transportbyte og krav til sjølv transporten moment som skal vurderast når det blir teke stilling til om ein enkeltelev har eit forsvarleg skyssstilbod. Dersom ein elev klagar over at vedtaket om skoleskyss ikkje gir eit forsvarleg tilbod, er det innhaldet i tilboden som må vurderast.

Den øvre grensa for skyss inneber at dersom det ikkje er forsvarleg at elevane reiser til og frå skolen kvar dag, har ikkje eleven rett til skyss, men kommunen skal sørge for at grunnskoleelevar får innlosjering, sjå punkt 37.2.5.

Både i vurderinga av kva som er eit forsvarleg skyssstilbod, og i vurderinga av om det er forsvarleg med dagleg skyss, inngår mange av dei same momenta.

Kva som er forsvarleg, kan variere frå elev til elev, basert på konkrete forhold som alder, funksjonsevne, modnad og tryggleik. Departementet ser utfordringa i at det er dei same momenta som skal vurderast både for den øvre og den nedre grensa. Når ein elev klagar over eit vedtak om skoleskyss, er det viktig å skilje mellom vurderinga av om det konkrete skyssstilboden til eleven er forsvarleg, og om vilkåra som gir rett til dagleg skyss, er oppfylte. Vedtaksorganet må gjere tydeleg kva vurderingar som høyrer til kvart spørsmål.

Departementet presiserer at mynde til å gjere vedtak i avgjerda av om dagleg skyss er forsvarleg, følgjer ansvaret for skyssvedtaka, noko som inneber at det er fylkeskommunane som i hovudsak vil ha mynde til å gjere vedtak.

### **37.5.6 Losji**

Departementet foreslår å vidareføre reglane om innlosjering i grunnskolen, slik at elevar har rett til losji dersom dagleg skyss ikkje er forsvarleg.

Også regelen om at kommunen skal føra tilsyn med grunnskoleelevar som er innlosjerte, blir foreslått vidareført. Departementet foreslår å presisere i lova at det ikkje er ei plikt til innlosjering for elevar i grunnskolen dersom dagleg skyss ikkje er forsvarleg. Foreldra kan i slike tilfelle velje å sørge for skyss for barnet sjølv.

Departementet foreslår også å vidareføre forpliktingane fylkeskommunane har om å hjelpe elevar i vidaregåande opplæring som treng innlosjering på grunn av lang eller vanskeleg skoleveg. Fylkeskommunen skal byggje elevheim dersom det ikkje er mogleg å skaffe elevane ein stad å bu innanfor ein avstand med moglegheit for dagleg skyss til skolen.

### **37.5.7 Ansvar, mynde til å gjere vedtak og delegering**

Departementet foreslår å vidareføre reglane om ansvarsforhold og mynde til å gjere vedtak i saker om skyss, reisefølgje, tilsyn og losji.

I høyringa vurderte departementet spørsmålet om ny opplæringslov bør opne for at myndet til å gjere vedtak for skyss kan delegerast.

Fleire fylkeskommunar delegerer myndet sitt til å gjere vedtak i saker om skoleskyss til andre aktørar, til dømes til Ruter AS, eit offentleg eigmeld selskap som driv kollektivtrafikken i Oslo og det som tidlegare var Akershus.

Når det gjeld innspelet til *Trygg trafikk* om at delegering kan innebere at elevar med rett til skyss ikkje får vurdert retten på ein forsvarleg måte, vil departementet vise til at vilkåra for rett til skyss kjem fram av opplæringslova. Dei aller fleste vedtaka om skoleskyss er baserte på objektive, målbare kriterium som årstrinn, avstand og reisetid og krev i liten grad ei særskild vurdering.

I nokre av vedtaka krevst det dokumentasjon frå eleven, foreldre, skolen eller lege, eller det må gjerast trafikkfaglege vurderingar. I alle sakene skal det beste for eleven vere det grunnleggjande omsynet, og i enkelte tilfelle må føresetnadene og behovet til eleven og den konkrete situasjonen for eleven vurderast. Vedtaksorganet bør ha god kjennskap til faktorar som mellom anna befolkningsmønster, transportbehov, infrastruktur og transportalternativ i det aktuelle området. Ei delegering til andre rettssubjekt føreset at dette er forsvarleg. Forvaltninga må sikre at vedtaksorganet har tilstrekkeleg kompetanse om dei reglane forvaltninga er bunden av, blant dei reglar etter opplæringslova, kommunelova og forvaltningslova. Det må heller ikkje vere interessekonflikta hos rettssubjektet som fører til uforsvarleg saksbe-

handling. Reglane i kommunelova om internkontroll, vil saman med klagebehandling, tilsyn og rettleiing vere viktige verkemiddel for å sikre forvarlege avgjerder om skyss uavhengig av kven som gjer vedtak.

Departementet meiner derfor at elevar med rett til skyss vil få vurdert retten på ein forsvarleg måte sjølv om myndet til å gjere vedtak blir delegerert.

Delegering av mynde til å gjere vedtak i saker om skoleskyss vil gi kommunar og fylkeskommunar handlingsrom til ei effektiv organisering av saksbehandling og oppgåveløysing når det gjeld skoleskyss. Det taler også for at det bør opnast for delegering i desse sakene.

Departementet meiner at ny opplæringslov bør opne for delegering av myndet til å gjere vedtak for skyss. Utgangspunktet er at myndet kan delegerast med mindre det er forbode, og det er derfor ikkje behov for ein eigen regel om dette i opplæringslova.

## **37.6 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å vidareføre retten til skyss til og frå skolen for elevar i grunnskolen og i vidaregåande opplæring på bakgrunn av (1) talet på kilometer mellom heimen og skolen, (2) nedsett funksjonsevne og (3) behov for båttransport, sjå forslaget til §§ 4-1 og 9-1
- å vidareføre retten til skyss for elevar i grunnskolen på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg, sjå forslaget til § 4-1 andre ledd
- å vidareføre dagens reglar om rett til reisefølgje og tilsyn i ventetida før og etter opplæringa for elevar i grunnskolen og vidaregåande opplæring, sjå forslaget til §§ 4-2 og 9-2
- å vidareføre regelen om at dagleg skyss må vere forsvarleg som øvre grense for når ein elev i grunnskolen har rett til skyss, sjå forslaget til § 4-3 første ledd
- å vidareføre retten til losji for grunnskoleelevar når dagleg skyss ikkje er forsvarleg, og regelen om at kommunen skal føre tilsyn med grunnskoleelevar som er innlosjerte, sjå forslaget til § 4-3 tredje ledd
- å vidareføre dagens regel om at foreldra kan velje om eleven skal skyssast eller innlosjerast, dersom det er tvil om dagleg skyss er forsvarleg, sjå forslaget til § 4-3 tredje ledd
- å presisere i lova at det ikkje er ei plikt til innlosjering for elevar i grunnskolen dersom dagleg skyss ikkje er forsvarleg. Foreldra kan i slike

tilfelle velje å sørge for skyss for barnet sjølve.  
Sjå forslaget til § 4-3 tredje ledd

- å vidareføre dagens ordning om at fylkeskommunane skal hjelpe elevar i vidaregåande opplæring med å skaffe losji dersom dei vel innlosjering på grunn av lang eller vanskeleg skoleveg, sjå forslaget til § 9-3

- å vidareføre regelen om kva instans som har ansvar for skyss, reisefølgje og tilsyn, sjå forslaget til § 28-7
- å ikkje vidareføre heimelen til å gi forskrift om tryggleiken til elevane under skoleskyssen

## 38 Skolefritidsordninga, leksehjelp og skolebibliotek

### 38.1 Innleiing

Dette punktet handlar om tenester og verksemder som er regulerte i opplæringslova, men som ikkje er ein del av grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa: skolefritidsordning, leksehjelp og bibliotek. Rådgiving, oppfølgingstenesta og kulturskolen, som heller ikkje er ein del av opplæringsverksemda, er tema i punkt 44, 45 og 47.

### 38.2 Skolefritidsordninga

#### 38.2.1 Dagens reglar

I opplæringslova § 13-7 er det krav om at kommunen skal ha eit tilbod om skolefritidsordning (SFO) før og etter skoletid for elevar på 1. til 4. trinn og for elevar med særskilde behov på 1. til 7. trinn. Det følgjer av denne paragrafen at skolefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skolefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Skolefritidsordninga er ikkje ein del av grunnskoleopplæringa og skal vere eit frivillig tilbod. Det er ikkje krav om at det skal vere ein SFO på kvar skole.

Opplæringslova gir ikkje elevane rett til plass i skolefritidsordninga, og det er ikkje noko krav om talet på plassar. Dette er understreka mellom anna i Ot.prp. nr. 67 (2002–2003), kapittel 6.1 og 6.4. Kommunane kan nyttja andre for å oppfylle plikta om å ha SFO. Kommunen skal føre tilsyn med private SFO-tilbod som blir nyttta til å oppfylle plikta.

Opplæringslova § 13-7 inneheld reglar om at skolefritidsordninga skal ha vedtekter, og om kva desse skal innehalde. Vidare seier paragrafen at rektor til vanleg skal vere leiar når skolefritidsordninga er knytt til skolar, og at kommunane kan krevje utgiftene til skolefritidsordninga dekte gjennom eigenbetaling frå foreldra. Lova inneholder også ein heimel til å gi nærmare forskrifter om skolefritidsordninga.

I forskrift til opplæringslova kapittel 1B er det utfyllande reglar om moderasjonsordningar for foreldrebetalinga for SFO. Vidare er det ein for-

skriftsregel om gratis SFO for elvar på 1. årstrinn. I tillegg er rammeplan for skolefritidsordninga fastsett som forskrift 31. mai 2021.

Kapittel 9 A om skolemiljøet til elevane (med dei unntaka som følgjer av § 9 A-1), § 9-7 om forbod mot ansiktsdekkjande plagg, § 10-9 om politiattest og § 13-5 om plikt til å samarbeide med barnehagen om overgangen til skolen gjeld for skolefritidsordninga. Enkelte av reglane om skyss gjeld også for elevar i SFO.

#### 38.2.2 Høyringsforslaget

I høyringa foreslo departementet

- å i hovudsak vidareføre regelen om skolefritidsordninga
- å vidareføre at rektor som hovudregel skal vere leiar når skolefritidsordninga er knytt til ein skole
- å ikkje vidareføre presiseringa om at kommunen må ha tilsyn med private skolefritidsordningar
- å vidareføre og gjere tydeleg heimelen for departementet til å gi forskrift om skolefritidsordninga

Departementet følgde med dette høyringsforslaget delvis opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 42.2. Utvalet foreslo ikkje å vidareføre kravet om at rektor som hovudregel skal vere dagleg leiar når skolefritidsordninga er knytt til ein skole. Utvalet foreslo ikkje å vidareføre forskritsheimelen om skolefritidsordninga.

#### 38.2.3 Høyringsinstansanes syn

Det er 17 høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget om skolefritidsordning (SFO). Alle støttar forslaget om å vidareføre reglar om SFO.

*Statsforvaltaren i Oslo og Viken* meiner det må presiserast i merknaden til paragrafen at det i plikta kommunen har til å ha internkontroll, ligg ei plikt til å følgje opp private aktørar/tilbydarar som kommunen nyttar for å oppfylle plikta si til å ha eit SFO-tilbod. Statsforvaltaren meiner at det er viktig at heimelen til å gi forskrift om SFO blir

vidareført, og at det framleis går fram kva reglar i opplæringslova med forskrift som også gjeld for skolefritidsordninga.

*Utdanningsdirektoratet* viser til at det i dagens forskrift til opplæringslova § 1B-3 er ein regel om gratis SFO for barn med særskilde behov. Dersom denne regelen er tenkt vidareført i forskrift, meiner direktoratet at ordlyden i forskriftsheimelen bør gjerast tydeleg.

*Bergen kommune* støttar forslaget. Kommunen meiner at den foreslalte formuleringa i paragrafen gir kommunane tilstrekkeleg handlingsrom til å utforme SFO i tråd med lokale behov, samtidig som det blir gitt nokon felles rammer på nasjonalt nivå for å hindre store forskjellar mellom SFO-tilboda skolane og kommunane imellom.

*Likestillings- og diskrimineringsombodet, Fellesorganisasjonen (FO), CP-foreininga og Norsk Forbund for Utviklingshemmede* har kommentarar til manglende individuell tilrettelegging på SFO.

*Likestillings- og diskrimineringsombodet* viser til at dei har fått fleire førespurnader som gjeld mangel på individuell tilrettelegging på SFO. Ombodet meiner det er nødvendig at retten til individuell tilrettelegging og finansieringa av dette for barn med nedsett funksjonsevne kjem fram av lova. Vidare bør departementet vurdere å lovfeste ein rett til plass på SFO for kvar enkelt elev.

*Norsk Forbund for Utviklingshemmede* viser til at fleire av medlemmene fortel at barna deira ikkje får tilstrekkeleg oppfølging med kommunikasjon, sosialt samspel og praktisk bistand i SFO-tida, fordi den ordinære bemaninga ikkje er tilstrekkeleg til å dekkje behovet til barnet. Samtidig får dei avslag på søknad om brukarstyrt personleg assistanse (BPA) i SFO-tida, med tilvising til at barnet har eit SFO-tilbod og derfor ikkje har behov for teneste frå helse- og omsorgssektoren. Dette regelverket bidreg til at barn med assistansebehov ikkje får eit likeverdig SFO-tilbod. Forbundet meiner derfor at det er behov for å innføre ein rett til personleg assistanse i SFO-tida, når eleven treng det for å få eit likeverdig tilbod.

*Fellesorganisasjonen (FO)* meiner det er ei stor utfordring er at det ikkje er noka bemanningsnorm eller utdanningskrav for personalet på SFO. FO meiner at SFO på linje med skolen er ein unik arena for å kunne fange opp barn som treng noko ekstra, og setje i verk tiltak så tidleg som mogleg. FO tilrår lov- eller forskriftsfesting av både pedagogisk og barnefagleg kompetanse i SFO og at SFO skal ha ein eigen leiar med minimum barnefagleg kompetanse på bachelornivå og vidareutdanning innan leiing.

*Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO)* og *CP-foreiningen* etterlyser ei avklaring med tanke på SFO-tilbod på 5. til 7. trinn.

*Fag forbundet Barn og oppvekst i Oslo* meiner at kravet til eigna areal til SFO bør førast vidare. Dei viser mellom anna til at skolefritidsordninga ofte organiserer barn i store grupper

*Landsorganisasjonen LO* meiner at fokusset må rettast på kvaliteten på SFO-tilboden og krav til kompetanse blant dei tilsette. LO meiner at private SFO-tilbod må underleggjast kommunalt tilsyn og kontroll.

### 38.2.4 Departementets vurdering

*Behov for nasjonale reglar om at kommunen skal ha ei skolefritidsordning*

Departementet foreslår at det framleis skal lovfestast at kommunane har ei plikt til å ha eit tilbod om skolefritidsordning (SFO), og foreslår å i hovudsak vidareføre regelen om skolefritidsordninga.

SFO er ikkje er ein del av grunnskoleopplæringa og skal vere eit frivillig tilbod. Det blir ikkje foreslått krav om at det skal vere SFO på kvar skole. Det blir heller ikkje foreslått at det skal vere rett for elevane til plass i SFO eller krav til kommunane om talet på plassar. Dei fleste kommunane tilbyr i dag plass i skolefritidsordninga til alle barn som ønsker det, og departementet er ikkje kjent med at det er eit problem at barn ikkje får eit slikt tilbod.

Departementet foreslår ikkje eit krav om talet på plassar for barn med særlege behov. Departementet legg til grunn at inntak må baserast på kriterium gitt i forskrift om SFO.

#### Innhaldet i skolefritidsordninga

Departementet foreslår å vidareføre at SFO skal legge til rette for leik, kultur og fritidsaktivitetar, at aktivitetane skal vere tilpassa alderen, funksjonsevna og interessene til elevane, og at barna skal få omsorg, bli passa godt på og at barn med nedsett funksjonsevne skal få gode utviklingsvilkår. Departementet foreslår ikkje å innføre ytterlegare reglar om innhaldet i SFO i lova, men foreslår å vidareføre forskriftsheimelen til å gi rammeplan for SFO. Departementet viser til at det er fastsett ein rammeplan for SFO som har status som forskrift. Rammeplanen skal bidra til eit meir likeverdig skolefritidstilbod av god kvalitet.

SFO skal byggje praksisen sin på dei grunnleggjande verdiane som følgjer av formålsparagra-

fen til opplæringslova. Departementet vil vise til at betydninga av verdigrunnlaget er nærmere utdjupa i rammeplanen, og at det derfor ikkje er nødvendig å presisere dette ytterlegare i lova.

#### *Personalet i skolefritidsordninga*

Departementet foreslår å vidareføre kravet om at rektor skal vere leiar for SFO når ordninga er knytt til skolar. Departementet foreslår også å vidareføre moglegheita til å gjere unntak.

Sjølv om regelen ikkje er eit absolutt krav for kommunane, gir lovfestinga av at rektor skal vere leiar for SFO eit viktig signal om at rektor har ei særleg rolle i å sikre at barna skal oppleve heilskap og samanheng i skolekvardagen og i SFO. Rektors rolle heng også saman med ansvaret for dei tilsette, som ofte har delte stillingar mellom skole og SFO. Tilgang til pedagogisk rettleiing frå rektor, kompetanseheving om forhold som gjeld elevane, og å inkludere personalet i SFO i arbeidet med skolemiljø og skadeførebygging er viktige element her. Mange SFO-ar har også innhald og aktivitetar som støttar opp under fagleg aktivitet ved skolen. Kommunen kan gjere unntak frå hovudregelen, til dømes når kommunen nyttar private til å drive SFO. Departementet meiner det ikkje er nødvendig at kommunane søker departementet (i dag delegert til statsforvaltaren) om slike unntak. Departementet foreslår derfor at kommunen kan gjere unntak frå kravet om at rektor skal vere leiar for SFO, til dømes der private driv SFO.

Departementet foreslår ikkje at det skal setjast krav til bemanningsnorm eller krav til kompetanse for personalet i SFO. Behovet for bemaning vil vere avhengig av kva slags aktivitetar som blir tilbydde, alderssamansetninga, kor mange barn som deltek, dagleg opphaldstid og talet på barn med særlege behov. Bemanninga av SFO skal avgjerast kommunalt ut frå lokale forhold og behov. Når kommunen er tillagt stort ansvar for innhaldet i SFO, vil det vere naturleg at kommunen også får ansvar for å tilsetje eit personale som samla sett kan gi eit godt tilbod i samsvar med målsetjinga med SFO. Vidare vil departementet notere at den pedagogisk-psykologiske tenesta (PP-tenesta) ikkje er ein sakkunnig instans i SFO. Foreldra kan ikkje krevje at tilrådingar frå PP-tenesta og andre instansar blir vektlagde når kommunen skal vurdere behovet for tilsyn på SFO. Departementet viser til at det er ulike reglar for grunnskolen og SFO, noko som betyr at behovet enkelte barn har for mellom anna tilsyn, kan vere ulikt i skolen og SFO.

Eit krav om kompetanse vil ha økonomiske og administrative konsekvensar og har ikkje vore greidd ut.

#### *Areal for skolefritidsordninga*

Departementet foreslår å ikkje vidareføre krav om eigna areal for SFO i lova.

Departementet meiner det ikkje er nødvendig å vidareføre krav om eigna areal for SFO, då eit slikt krav ikkje tilfører noko utover det som følgjer av andre reglar. Departementet viser til at krav til skolebygg for grunnskolar er regulerte i andre paragrafar i opplæringslova og anna regelverk, mellom anna i lovforslaget § 12-7. Sjå nærmare omtale av forslag til ny forskrift om miljø og helse i barnehagar, skolar og skolefritidsordningar i punkt 33.9.4. Etter forslaget til § 12-2 skal det fysiske miljøet fremje helse, inkludering, trivsel og læring. Desse paragrafane gjeld lokale som blir nytta for SFO, og varetak behova for regulering uavhengig av gruppstorleikane i skolen og SFO.

Den nasjonale evalueringa av SFO viser at det store fleirtalet av SFO-ar bruker areala til skolen til verksemda si. Departementet kan ikkje sjå at utfordringane med sambruk fører med seg gir grunn til å ha eit særskilt krav om at lokala til SFO skal vere «eigna», når det ikkje tilfører krav til lokala som ikkje allereie er dekt av andre reglar.

#### *Forskriftsheimlar*

Departementet foreslår å vidareføre dagens forskriftsheimelen om at departementet kan gi forskrifter om SFO. Departementet foreslår å vidareføre at det kan givast forskrifter om innhald og oppgåver for SFO og moderasjonsordningar, og presisere at det også kan givast forskrifter om gratis SFO.

Departementet foreslår å vidareføre kravet om at SFO skal ha vedtekter, og om kva dei skal innehalde, og å presisere i lova at vedtekten til kommunane om opptaksriterium etc. må fastsetjast i kommunale forskrifter. Slike vedtekter er i realiteten forskrifter, og då bør dei også fastsetjast som det. Dette inneber at forskriftene må fastsetjast i samsvar med reglane i forvaltningslova kapittel VII.

#### *Moglegheita til å nytte private til å oppfylle plikta til å ha eit skolefritidstilbod*

Departementet foreslår å vidareføre at kommunane kan bruke andre rettssubjekt til å oppfylle plikta til å ha eit SFO-tilbod. Det følgjer av kom-

munelova § 5-4 første ledd at dersom kommunane skal kunne delegere vedtaksmynde til andre rettssubjekt, må lovgivinga opna for det. Vidare foreslår departementet at det blir vist til «private» og ikkje «andre rettssubjekt» i lova. Det vil vere lite aktuelt at kommunane bruker statlege aktørar til å oppfylle plikta. Interkommunalt samarbeid er regulert i kommunelova, og det er ikkje nødvendig med eigne reglar om dette. Det er derfor tilstrekkeleg å fastsetje at kommunane kan nytte «private» til å oppfylle plikta om å ha eit SFO-tilbod.

Departementet foreslår å ikkje vidareføre presiseringa om at kommunane skal føra tilsyn med private SFO-ar som kommunen bruker til å oppfylla plikta. Sjølv om kommunane nyttar private til å oppfylla plikta, er det kommunane som har ansvaret for at reglane i opplæringslova blir følgde. I plikta som kommunane har til å ha internkontroll i kommunelova § 25-1, ligg det ei plikt til å følgja opp private aktørar som har som oppdrag å utføre oppgåver som er pålagde kommunane i lov. For slike oppgåver vil kommunane alltid ha ansvaret for at innbyggjarane får dei tenestene dei har krav på, anten kommunane utfører oppgåva sjølv eller gjennom private. Dette kan gjerast på ulike måtar. Det kan til dømes inngå visse rutinar for oppfølging av avtalen kommunen har med ein privat aktør. Uansett vil det måtte inngå i internkontrollen til kommunen, etter ordinær risikovurdering, å ha rutinar, prosedyrar og så vidare for å sikre at kommunen har kontroll med at innbyggjarane får det dei har krav på, sjølv om ein privat aktør utførar oppgåva.

#### *Andre reglar i lova som skal gjelde for skolefritidsordninga*

Departementet foreslår å vidareføre at reglane om overgang frå barnehage til skole og SFO, skolemiljø, ansiktsdekkjande plagg, skyss på grunnlag av nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom og politiattest skal gjelde for SFO. At desse reglane gjeld for SFO, står eksplisitt i dei aktuelle reglane, sjå omtalane i punkt 23.5, 33, 34.5 og 52. Dessutan vil fleire av reglane om tilsyn og forsøk i kapittel 29 i lova gjelde for SFO, sjå omtale i punkt 60 og 64.

#### **38.2.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår å vidareføre reglane om skolefritidsordninga med enkelte presiseringar og justeringar, sjå forslaget til § 4-5.

### **38.3 Leksehjelp**

#### **38.3.1 Dagens reglar**

I opplæringslova § 13-7 a er det krav om at kommunen skal ha eit tilbod om leksehjelp i grunnskolen, og at tilboden skal vere gratis for elevane. Det står i lova at elevane skal ha rett til å delta på leksehjelptilboden, men at det skal vere frivillig å delta. Det er ikkje ein individuell rett til leksehjelp. Kommunen står fritt til å fordele timane til leksehjelpa mellom trinna og kan rette leksehjelpa inn mot nokre elevgrupper, jf. Prop. 68 L (2013–2014), kapittel 3.4. Lova inneholder også ein heimel til å gi forskrift om leksehjelptilboden.

I forskrift til opplæringslova § 1A-1 er det utfylende reglar om leksehjelp. Forskrifta seier mellom anna at kommunen skal tilby til saman åtte timar leksehjelp kvar veke til elevar i grunnskolen. Dei åtte timane kan fordelast fritt på trinna. Forskrifta beskriv også formålet med leksehjelpa: «gi eleven støtte til læringsarbeidet, kjensle av meistring og gode rammer for sjølvstendig arbeid». Vidare seier forskriftena at leksehjelpa skal bidra til å jamne ut sosial forskjell i opplæringa, kven som er ansvarleg, forholdet til opplæringa elles og til skolefritidsordninga, tilsyn og foreldre-samarbeid.

Kapittel 9 A om skolemiljøet til elevane, § 9-7 om forbod mot ansiktsdekkjande plagg og § 10-9 om politiattest gjeld for leksehjelptilboden.

#### **38.3.2 Høyningsforslaget**

I høyringa foreslo departementet

- å vidareføre reglane om leksehjelp
- å ikkje vidareføre dei delane av dagens paragraf som er rettsleg overflødig
- å ikkje vidareføre heimelen til å gi forskrift om leksehjelp, men å flytte enkelte reglar til lova. Kravet i forskriftena om at kommunen må tilby åtte timar med leksehjelp i veka vart ikkje foreslått vidareført i lova

Med dette høyningsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 42.3.

#### **38.3.3 Høyningsinstansanes syn**

Det er 15 høyningsinstansar som har gitt innspel til forslaget om leksehjelp.

*Bærum kommune* støttar forslaget frå utvalet om at kvar enkelt kommune bør ha stor fridom til å innrette leksehjelptilboden ut frå lokale behov, til

dømes kor mange timer leksehjelp som skal tilbydast, korleis ho skal organiserast, kva trinn og elevar leksehjelpa skal rettast mot. Kommunen meiner derfor at regelen bør utformast som ei plikt for kommunen, og ikkje ein rett for elevane. *Blå Kors* meiner at forslaget til omformulering av heimelen for leksehjelp er ei svekking av lovgrunnlaget for dette tilbodet, og at det kan føre til større forskjellar i omfang og kvalitet på leksehjelp.

Fire høyringsinstansar meiner at forskriftsheimelen i lova bør først vidare. *Sandnes kommune* meiner departementets forslag vil gi kommunane ein større fridom til å forme ut leksehjelptilboden, men for å sikre omfanget av ordninga bør timetallet for leksehjelpa konkretisast i forskrift. Også *Landsorganisasjonen i Norge (LO)* meiner det framleis bør vere heimel til å gi forskrift om leksehjelp.

*Statsforvaltaren i Oslo og Viken* meiner det er uklart kvifor det ikkje blir foreslått å vidareføre heimelen til å gi forskrift om leksehjelp.

*Utdanningsdirektoratet* støttar forslaget om ikkje å vidareføre forskriftsheimelen. *Bergen kommune* meiner at forslaget gir gode moglegheiter for lokal tilpassing og meiner at det ikkje er nødvendig å vidareføre forskriftsheimelen, då forslaget gir tilstrekkelege føringar.

*Sola kommune* meiner at det ikkje skal vere eit krav om at kommunane må tilby åtte timer med leksehjelp kvar veke, det bør vere opp til kommunane å avgjere korleis tilboden til leksehjelp skal organiserast ut frå lokale forhold.

*Oslo kommune* meiner forslaget om å fjerne krav om åtte timer med leksehjelp må sjåast i samanheng med forslag om å lovfeste moglegheit til å gi lekser.

*Bufdir* meiner at oppgåva med å jamne ut sosiale forskjellar bør gjerast tydeleg i lova, noko også *Statsforvaltaren i Oslo og Viken* framhevar.

*Foreldreutvalet for grunnopplæringa* er bekymra for at forslaget ikkje gir føringar for omfang, bemanning og kompetanse hos dei som skal gi leksehjelpa. Dei viser til at dersom elevane skal kunne få eit likeverdig utbytte av opplæringa, må leksehjelptilboden i kommunane vere i samsvar med leksepraksisen til skolen.

*Redd Barna* meiner at det i paragrafen bør gjerrast tydeleg at leksehjelp som blir gitt innanfor skolekvardagen, inkluderer tida på skolefritidsordninga og må utførast av faglært/pedagogisk personell. Vidare tilrår dei at paragrafen også inkluderer krav om politiattest, sjølv om det også blir regulert i ein anna paragraf i lova.

*Elevorganisasjonen* meiner at departementet burde legge meir vekt på å sikre at elevar på ung-

domsskolen får leksehjelp, dei opplever at ungdomsskolane blir nedprioriterte, og at dei ikkje får tilbod om leksehjelp. Vidare meiner dei at det bør vere gratis skyss heim frå leksehjelpa.

### 38.3.4 Departementets vurdering

#### Krav om leksehjelp i lova

Leksehjelp kan ha noko å seie for læringa til elevane. Departementet meiner at det framleis bør vere eit nasjonalt krav om leksehjelp, og foreslår derfor å vidareføre ein regel om at kommunen skal tilby leksehjelp.

#### Korleis reglane om leksehjelp skal formast ut

I dagens lov står det at elevane har rett til å delta på leksehjelptilboden, men at det er frivillig for elevane å delta. Dette kan gi inntrykk av at alle elevar på alle trinn har ein rett til leksehjelp. Innhaldet er derimot at kommunen står fritt til å fordele timane til leksehjelpa mellom 1. og 10. trinn, og også at kommunen kan retta leksehjelpa inn mot nokre elevgrupper, sjå Prop. 68 L (2013–2014), kapittel 3.4. Plikta kommunen har til å ha eit leksehjelptilbod, gir med andre ord ikkje elevar ein rett til å delta. Det har heller ikkje vore praktisert nokon klagerett på avgjerder om leksehjelp. Departementet meiner at dagens rettstilstand bør vidareførast, og foreslår at regelen om leksehjelp blir formulert som ei plikt for kommunane og ikkje som ein rett for elevane. Dette gjeld også handlefridommen kommunane har til å velje å rette leksehjelpa inn mot nokre elevgrupper på trinnet eller på tvers av trinn, dersom kommunen finn at dette vil vere den mest tenlege bruken av ressur sar.

Departementet meiner at det er unødvendig å presisere at det er frivillig for elevane å delta på leksehjelptilboden. Ettersom leksehjelp etter den foreslalte ordlyden er eit tilbod til elevane, er det også frivillig.

Departementet viser til at det har komme fleire innspel i høyringa om at forskriftsheimelen bør først vidare. Departementet meiner at kommunane bør ha stor fridom til å innrette leksehjelptilboden ut frå lokale behov, men at det likevel kan vere behov for å ha meir konkrete reglar for leksehjelpa i forskrift. Departementet foreslår derfor å vidareføre forskriftsheimelen i den nye opplæringslova.

Enkelte høyringsinstansar foreslår at det skal vere kompetansekrav til dei som skal hjelpe til i leksehjelpa. Eit slikt krav er ikkje greidd ut og vil

ha økonomiske og administrative konsekvensar. Departementet viser til at det er opp til kommunane å organisere leksehjelp ut frå lokale vurderingar, og at leksehjelp ikkje er ein del av den opplæringa eleven har rett til etter opplæringslova. Departementet foreslår ikkje å fastsetje kvalifikasjonskrav til dei som skal hjelpe til i leksehjelpa.

#### *Andre reglar i lova som skal gjelde for leksehjelpa*

Departementet foreslår å vidareføre at reglane om skolemiljø, ansiktsdekkjande plagg og politiattest skal gjelde for leksehjelpordninga, sjå punkta 33, 34.5 og 52. At dei gjeld for leksehjelpordninga, står eksplisitt i dei aktuelle reglane. Dessutan vil fleire av reglane om forsøk og tilsyn i kapittel 29 i lova gjelde for leksehjelpordninga, sjå punkt 60 og 64.

Det er frivillig å delta på leksehjelp, og det er opp til kommunen å organisere korleis leksehjelp skal organiserast. Departementet foreslår derfor ikkje reglar om gratis skyss i samband med leksehjelp.

#### **38.3.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å vidareføre kravet om at kommunen skal ha eit tilbod om leksehjelp i grunnskolen, og at tilboden skal vere gratis for elevane, sjå forslaget til § 4-4 første punktum
- å videreføre heimelen til å gje forskrift om leksehjelptilboden, sjå forslaget til § 4-4 andre punktum

### **38.4 Skolebibliotek**

#### **38.4.1 Dagens reglar**

I opplæringslova § 9-2 andre ledd er det fastsett at «[e]levane skal ha tilgang til skolebibliotek. Departementet kan gi nærmare forskrifter.»

I forskrift til opplæringslova § 21-1 er det gitt utfyllande reglar om skolebiblioteka:

Skolen skal ha skolebibliotek med mindre tilgangen til skolebibliotek er sikra gjennom samarbeid med andre bibliotek. Bibliotek som ikkje ligg i skolen sine lokale, skal vere tilgjengeleg for elevane i skoletida, slik at biblioteket kan brukast aktivt i opplæringa på skolen. Biblioteket skal vere særskilt tilrettelagt for skolen.

#### **38.4.2 Høyningsforslaget**

I høyringa foreslo departementet

- å vidareføre kravet om skolebibliotek
- å vidareføre nemninga skolebibliotek i lova
- å ikkje vidareføre forskriftsheimelen, men ta innhaldet i dagens forskriftsregel inn i lova

Med dette høyningsforslaget følgde departementet delvis opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 42.4. Utvalet foreslo ikkje å bruke nemninga skolebibliotek i lova.

#### **38.4.3 Høyningsinstansanes syn**

Det er 29 høyningsinstansar som har uttalt seg om forslaget til skolebibliotek. I all hovudsak støtta dei forslaget om å lovfeste krav til skolebibliotek og å ta inn innhaldet i dagens forskriftsregel inn i lova.

Fleire av høyningsinstansane viser til *Aksjon skolebibliotek* som 16 norske organisasjonar står bak, og innspelet aksjonen har til ny paragraf om skolebibliotek. *Aksjon skolebibliotek* meiner at skolebibliotek bør regulerast sterkare. Dei ønskjer mellom anna krav om at skolebiblioteka har kvalifisert bibliotekfagleg kompetanse, at skolebiblioteket er ope og bemanna i opningstida til skolen, og at skolebiblioteket ligg i eigna lokale på skolen eller i rimeleg avstand til skolen. Dei grunngir krava med at skolebibliotek er eit verktøy for læring, og at lesing er nøkkelen til læring og kunnskap. *Bibliotekarforbundet* peikar i høyringssvaret sitt på at verksemda til skolebiblioteket dreier seg både om informasjonskompetanse, kjeldekritikk, leseforståing og tilrettelagd litteratur til elevar.

Enkelte av kommunane som har uttalt seg, foreslår at dersom det blir nytta andre bibliotek, bør det ikkje vere eit krav om at desse er særskilt tilrettelagde for skolen. Desse viser til at det ikkje vil vere sjølvforklarande kva dette vil innebere.

Enkelte høyningsinstansar meiner at det framleis bør vere ein forskriftsheimel om skolebibliotek i lova. *Statsforvaltaren i Oslo og Viken* meiner det er uklart kvifor det ikkje blir foreslått å vidareføre heimelen for departementet til å gi forskrift om skolebiblioteka.

#### **38.4.4 Departementets vurdering**

Departementet foreslår å vidareføre reglane om skolebibliotek. Regelen blir foreslått som ei plikt for kommunane og fylkeskommunane, og ikkje som ein rett for elevane, sidan tilgang til bibliotek

aldri har vore forstått eller meint som ein individuell rett.

Departementet meiner at god tilgang til bibliotek for elevane er viktig. Den nye læreplanen i norsk som vart innført i 2020, har fleire kompetansemål som viser at elevane skal kunne bruke bibliotek. Læreplanen i norsk seier også at elevane skal gi elevane litterære opplevelingar i ulike sjangerar. Det er lagt vekt på at elevane skal lese og lære i djupna og utvikle forståingar på tvers av fag. Elevane skal kunne tenke kritisk og kreativt og kunne kommunisere og samarbeide med kvarandre. Dette krev tilgang til eit velfungerande skolebibliotek. I tillegg tyder forsking på at positive haldningar til lesing og gode lesevanar er nøkkelfaktorar for å fremje leseforståinga, mellom anna har internasjonale leseundersøkingar som PIRLS og PISA påvist samanhengar mellom leseengasjementet til elevane og leseprestasjonane deira. Eit godt skolebibliotek kan bidra til at elevane får positive møte med litteraturen.

Eit bibliotek som ligg i lokala til skolen, gir auka tilgang til litteratur for alle elevar. I tillegg kan skolebiblioteka vere meir tilpassa opplæringa til elevane, og mange skolebibliotek har eigne skolebibliotekarar. Kjennskapen skolebibliotekarane har til læreplanar, undervisningsopplegg, lærarane og elevane, vil både kunne gi ein annan kompetanse og ei betre moglegheit for ein annan og meir tilpassa bruk av desse biblioteknestene enn det reine folkebibliotektenester kan. Departementet meiner at å vidareføre dagens reglar om skolebibliotek i lov og forskrift vil vareta dette.

Departementet foreslår å behalde nemninga skolebibliotek i lova. Dette understrekar at det er ønskjeleg med eit bibliotek nær elevane. Samtidig blir det ikkje fastsett krav om at skolebiblioteket

må ligge på skolen. Departementet meiner det må givast rom for anna organisering og at detaljstyring bør unngåast. Det kan vere aktuelt med ei samlokalisering av skolebibliotek og kommunale bibliotek. Spesielt vil dette vere eit alternativ for små skolar. Eit eventuelt krav om skolebibliotek i lokala til skolen vil ha økonomiske og administrative konsekvensar for kommunane. I mange tilfelle vil det vere betre at skolen nyttar seg av godt utstyrte folkebibliotek som er tilrettelagde for skolen.

I forslaget som vart sendt på høyring, vart det foreslått å fjerne forskriftsregelen og at alle reglane om skolebibliotek skulle komme fram av lova. Etter ei vurdering av høyringsinnspela foreslår departementet likevel å ha ein forskriftsheimel i lova og vidareføre at dei nærmere reglane om skolebibliotek står i forskrifta og ikkje i lova. Dette inneber at reglane blir foreslått vidareført som i dag.

Enkelte høyringsinstansar foreslår at det skal innførast kompetansekrav til skolebibliotekarar. Departementet vil vise til at dette vil vere eit nytt krav og at eit slikt krav ikkje er greidd ut og vil ha økonomiske og administrative konsekvensar. Departementet meiner uansett at det ikkje er nødvendig med ei slik detaljstyring og foreslår derfor ikkje å fastsetje kompetansekrav til skolebibliotekarar.

### **38.4.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å vidareføre at elevane skal ha tilgang til skolebibliotek, sjå forslaget til § 15-5 første punktum
- å vidareføre heimelen til å gi forskrift om skolebibliotek, sjå forslaget til § 15-5 andre punktum

## **39 Privat grunnskoleopplæring i heimen**

### **39.1 Innleiing**

Dette punktet handlar om privat grunnskoleopplæring i heimen. Alle barn i grunnskolealder har rett og plikt til grunnskoleopplæring. Dette inneber at det er ei opplæringsplikt, men ikkje ei skoleplikt i Noreg. Opplæringsplikta kan varetakast ved at foreldre gir barna sine privat grunnskoleopplæring i heimen.

### **39.2 Dagens reglar**

#### **39.2.1 Grunnlova og Noregs folkerettslege forpliktingar**

Det følgjer av Grunnlova § 109 at alle barn har rett til å ta imot grunnleggjande opplæring.

Reglar i den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) og barnekonvensjonen inneber at foreldre har rett til å velje ei opplæring for barna sine som er i tråd med deira etiske eller religiøse overtyding. Folkeretten gir likevel staten rett til å krevje ein minstestandard på opplæringa og at opplæringa skal oppfylle nærmere bestemte formål. I EMK protokoll 1 artikkel 2 er dette fastsett:

Ingen skal bli nektet retten til utdanning. Funksjoner staten påtar seg i utdanning og undervisning, skal den utøve med respekt for foreldres rett til å sikre slik utdanning og undervisning i samsvar med deres egen religiøse og filosofiske overbevisning.

Ei tilsvarende regulering finn ein også i FNs internasjonale konvensjon om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar (ØSK) artikkel 13 nr. 3, FNs konvensjon om sivile og politiske rettar (SP) artikkel 18 og barnekonvensjonen artikkel 28. Både staten og foreldra skal sikre rettane til barna etter barnekonvensjonen.

#### **39.2.2 Opplæringslova og forskrift til opplæringslova**

Det er ikkje skoleplikt, men opplæringsplikt i Noreg. Plikta til grunnskoleopplæring kan varetakast gjennom offentleg grunnskoleopplæring eller gjennom anna «tilsvarende opplæring». Dette følger av opplæringslova § 2-1 første ledd. Med «tilsvarende opplæring» meiner ein opplæring i privat skole som er godkjend etter opplæringslova eller privatskolelova, og privat grunnskoleopplæring i heimen etter opplæringslova § 2-13. Plikta til grunnskoleopplæring fell bort dersom barnet oppheld seg utanfor Noreg i meir enn tre månader, jf. opplæringslova § 2-1 andre ledd. Opplæringslova § 2-13 gjeld opplæring i heimen til barnet i Noreg, og paragrafen kjem ikkje til bruk når barnet oppheld seg i utlandet.

Grunnskoleopplæring i heimen føreset at foreldra sjølve underviser sine eigne barn. Opplæringslova § 2-13 opnar ikkje for at foreldra underviser andre enn sine eigne barn. Ved grunnskoleopplæring av andre sine barn krevst det godkjenning etter opplæringslova § 2-12 om private grunnskolar.

Utvalde reglar i opplæringslova gjeld for grunnskoleopplæring i heimen, så langt reglane ikkje kjem i konflikt med Noregs folkerettslege forpliktingar. Dette gjeld reglane om formålet med grunnskoleopplæringa i opplæringslova § 1-1, kravet om tilpassa opplæring i § 1-3, reglane om innhaldet i opplæringa i § 2-3 med forskrifter og reglane om faget kristendom religion, livssyn og etikk i § 2-4. Ingen av dei andre reglane i opplæringslova med forskrifter gjeld for grunnskoleopplæring i heimen, til dømes retten til individuell vurdering.

Kommunane har både ein rett og ei plikt til å føre tilsyn med grunnskoleopplæring i heimen, jf. opplæringslova § 14-3. Det er kommunen som vel tilsynsperson, jf. Ot.prp. nr. 46 (1997–98), kapittel 26.4, men det bør skje i samråd med foreldra. Som ledd i tilsynet kan kommunen kalle barnet inn til særskilde prøvar, og følgjande er presisert i forarbeida til paragrafen (Ot.prp. nr. 46 (1997–98), kapittel 24.5.2): «Slike prøver må vere grunngitt

med tilsvinsansvaret til kommunane og det behovet kommunen har for å kontrollera at den opplæringa barna får er i samsvar med læreplanen.»

Dersom kravet lova og forskrifta har til grunnskoleopplæring i heimen, ikkje blir oppfylt, skal kommunen krevje at barnet byrjar på skolen. I forarbeida til paragrafen, Ot.prp. nr. 46 (1997–98), merknad til § 14-3, er det presisert at det same gjeld dersom tilsyn ikkje er mogleg: «Heimeopplæringa er ikkje lovleg dersom tilsyn ikkje er mogleg som følgje av manglende samarbeid frå foreldra. Også i slike tilfelle skal kommunen krevje at barnet skal gå i den offentlege skolen.» Avgjerda til kommunen om å krevje at barnet får opplæring i skolen, er eit enkeltvedtak foreldra kan klage på til statsforvaltaren, jf. opplæringslova § 15-2 første ledd. Dersom foreldra nektar å rette seg etter vedtaket, kan dei bøteleggjast etter opplæringslova § 2-1 femte ledd.

Det er lagt til grunn at foreldra ikkje kan krevje at kommunen legg til rette for at barnet får opplæringa si delvis i ein offentleg skole og delvis i form av privat grunnskoleopplæring i heimen.

### **39.3 Høyringsforslaget**

Departementet foreslo

- å vidareføre reglar om foreldre si grunnskoleopplæring av eigne barn i sin eigen heim i ny opplæringslov
- å i hovudsak vidareføre krava til innhaldet i den private grunnskoleopplæringa
- at nemninga «privat grunnskoleopplæring i heimen» skal brukast i lova
- at det blir innført ei meldeplikt til kommunen før oppstart av heimeopplæring
- at kommunane framleis skal føre tilsyn med grunnskoleopplæring i heimen, og at det blir presisert at kommunane skal føre tilsyn med opplæringa innan 3 månader etter at opplæringa har starta opp

Med dette høyringsforslaget følgde departementet ikkje opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 46 om å innføre krav om førehandsgodkjenning frå kommunen. Forslaget om meldeplikt til kommunen før oppstart av heimeopplæring og at kommunen skal føre tilsyn med opplæringa innan 3 månader etter at opplæringa har starta opp, er nytt samanlikna med forslaget til utvalet. Nemninga i forslaget frå departementet er i hovudsak i samsvar med forslaget frå utvalet som foreslo å bruke nemninga «grunnskoleopplæring i heimen».

### **39.4 Høyringsinstansanes syn**

#### **39.4.1 Utgangspunkt**

Det er om lag 30 høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget til reglar om privat grunnskoleopplæring i heimen. Det er sju instansar som eksplisitt støttar at lova framleis skal opne for grunnskoleopplæring i heimen. Dette er *Barneombodet, Statsforvaltaren i Rogaland, Bergen kommune, Nittedal kommune, Oslo kommune, Norsk hjemmeundervisningsforbund og Opplysningsstjernen for hjemmeundervisning*.

I tillegg til desse er det fleire instansar som har komme med konkrete innspel til korleis grunnskoleopplæring i heimen burde regulerast i lova.

#### **39.4.2 Kva nemning som bør brukast i lova**

Sju instansar har uttalt seg om departementets forslag om å bruke nemninga «privat grunnskoleopplæring i heimen» i lova. Av desse er det seks som støttar forslaget: *Barneombodet, Statsforvaltaren i Rogaland, Bergen kommune, Nannestad kommune, Nittedal kommune og Norsk hjemmeundervisningsforbund*.

*Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark* støttar ikkje forslaget og meiner at privat grunnskoleopplæring i heimen ikkje er eit tenleg omgrep ettersom opplæring i heimen ikkje er skole.

#### **39.4.3 Kvar opplæringa skal gå føre seg**

Fleire høyringsinstansar har innspel til at opplæringa skal skje «i heimen», det vil seie på folkeregistrert adresse eller i nærleiken.

*Norsk hjemmeundervisningsforbund* meiner at det er unødvendig å presisere at undervisninga skal gå føre seg «i heimen», og viser til at verken gjennomføringa av opplæringa eller tilsynet av denne føreset at undervisninga går føre seg på folkeregistrert adresse.

*Oslo kommune* tek ikkje direkte stilling til lovforslaget, men etterspør at det i lovteksten eller i forarbeida blir teke stilling til korleis tilsyn skal gjennomførast i tilfelle der barnet bur fast hos begge foreldre på ulike bustader.

#### **39.4.4 Kva krav det bør stillast til opplæringa**

Sju høyringsinstansar og en del privatpersonar har uttalt seg om forslaget til kva krav som skal stillast til opplæringa. Fire instansar støttar forslaget. Dette er *Barneombodet, Statsforvaltaren i Rogaland, Bergen kommune og Nittedal kommune*.

*Norsk hjemmeundervisningsforbund* støttar forslaget om at formålsparagrafen skal gjelde for privat grunnskoleopplæring i heimen, men støttar ikkje forslaget om at slik undervisning skal vere underlagt læreplanverket og fag- og timefordeling. Når det gjeld læreplanverket, viser forbundet til at privat undervisning i heimen kan ta mange ulike former, og at metode og pedagogikk ofte er annleis enn i den offentlege skolen. Når det gjeld fag- og timefordelinga, viser forbundet til at ein av fordelane med heimeundervisning nettopp er det at eleven kan bruke lengre tid på det som er vanskeleg eller interessant, og kortare tid på det som er lett. Forbundet meiner dermed det ikkje er tenleg å krevje at privat undervisning i heimen skal vere underlagt same fag- og timefordelinga som den offentlege skolen.

*Opplysningsenteret for hjemmeundervisning* og ei rekke privatpersonar støttar ikkje forslaget om at forbodet mot forkynning skal gjerast gjeldande for undervisning i heimen. Fleire påpeikar at ei slik regulering vil vere i strid med Noregs internasjonale forpliktingar, som fastset at foreldre har rett til å velje utdanning og undervisning for barna sine som er i samsvar med deira religiøse og filosofiske overtyding.

#### **39.4.5 Korleis sikre at barna får oppfylt retten sin til opplæring?**

*Krav om meldeplikt ved oppstart av privat grunnskoleopplæring i heimen*

Det er 22 høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget om å innføre ei plikt til å melde frå før heimeopplæringa startar. Av desse støttar 19 forslaget, mellom anna *Barneombodet, Statsforvaltaren i Rogaland, Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, Statsforvaltaren i Vestland, fleire kommunar, FUG og Norsk hjemmeundervisningsforbund*.

*Asker kommune* støttar i hovudsak forslaget, men ønskjer i tillegg at foreldre gjennom meldeplikta må levere ein plan for opplæringa. *LO* og *Kristiansand kommune* støttar ikkje forslaget og meiner begge, slik også opplæringslovutvalet foreslo, at kommunen må gi ei førehandsgodkjenning for at foreldre skal kunne starte opp privat grunnskoleopplæring i heimen.

*Plikt for kommunen til å føre tilsyn innan tre månader*

Det er 21 høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget om å innføre ei plikt for kommunen til å føre tilsyn innan tre månader. Av desse er det 18 som støttar forslaget, mellom anna *Barneombodet,*

*Statsforvaltaren i Rogaland, Statsforvaltaren i Vestland, ei rekke kommunar, FUG, Skolenes landsforbund og Norsk hjemmeundervisningsforbund.*

*Nannestad kommune* støttar i hovudsak forslaget, men meiner tilsyn burde skje tidlegast mogleg, og at det ikkje burde gå opptil tre månader frå opplæringa startar, før tilsyn blir opna.

*Kristiansand kommune* spør etter ei presisering i lovverket om kor raskt tilsyn kan opnast etter oppstart i tilfelle der kommunen sit på opplysningar som tilseier at det vil vere urealistisk at foreldra kan gi tilstrekkeleg opplæring. Kommunen ønskjer også ei presisering av om dei føresette har rett til eit nytt forsøk på heimeundervisning i tilfelle der det er gitt pålegg om at barnet skal gå på skole.

### **39.5 Departementets vurdering**

#### **39.5.1 Utgangspunkt**

Reglar i den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) og barnekonvensjonen inneber at foreldre har rett til å velje ei opplæring for barna sine som er i tråd med deira etiske eller religiøse overtyding. Folkeretten gir likevel staten rett til å krevje ein minstestandard på opplæringa og at opplæringa skal oppfylle nærmere bestemte formål. I dei fleste tilfella vil det vere til det beste for barnet å få grunnskoleopplæring på skolen saman med andre barn. Det kan likevel vere ulike årsaker til at foreldre ønskjer å undervise sine eigne barn i staden. Til dømes kan dei ønskje at familien får meir tid saman, at barna skal givast opplæring etter ei bestemt pedagogisk retning, eller dei kan vere misfornøgde med skolemiljøet.

Departementet foreslår at opplæringslova framleis skal opne for privat grunnskoleopplæring i heimen, og at det framleis skal vere reglar for slik opplæring. Lovregulering er nødvendig for at foreldre framleis kan velje å undervise eigne barn, og for å sikre at det enkelte barnet får oppfylt retten til opplæring. Regelstyring bidreg også til føreseielege forhold og likebehandling.

#### **39.5.2 Kva nemning som bør brukast i lova**

I dagens opplæringslov blir privat grunnskoleopplæring i heimen karakterisert noko ulikt. I § 2-13 er det «privat opplæring i heimen» og «privat grunnskoleopplæring i heimen» som er brukte, medan «heimeopplæring» og «opplæringa for barn og unge som ikkje går på skole» blir brukte i opplæringslova § 14-3. Departementet foreslår at det berre brukast eitt omgrep i lova, nemleg pri-

vat grunnskoleoppplæring i heimen. Departementet vil vise til at grunnskoleopplæring er nemninga som blir brukt om den pliktige opplæringa frå 1. til 10. trinn. Ved å bruke «privat» blir det gjort tydeleg at dette er opplæring som ikkje kommunen har ansvar for, på same måte som ved skiljet mellom offentlege og private grunnskolar. Departementet meiner det er lite sannsynleg at privat grunnskoleopplæring i heimen vil bli forveksla med opplæringa som går føre seg på skole. Departementet foreslår derfor at nemninga privat grunnskoleopplæring i heimen brukast i lova.

### 39.5.3 Kvar opplæringa skal gå føre seg

Departementet foreslår at opplæringa hovudsakleg skal skje i heimen til barnet, det vil seie på folkeregistrert adresse eller i nærområdet. Dette følger også av dagens paragraf, der ordlyden er «i heimen». Også opplæringslovutvalet legg denne forståinga til grunn.

Det er likevel mogleg å gi delar av opplæringa andre stader, som på hytta eller eit bibliotek, men det skal hovudsakleg skje i heimen til barnet. Kravet om at opplæringa skal skje i heimen (på folkeregistrert adresse), er sett mellom anna for at kommunen skal kunne føre tilsyn med opplæringa og slik sikre at barnet får opplæring. Det vil vere vanskeleg for kommunen å føre tilsyn med opplæringa dersom kommunen ikkje veit kvar barnet får slik opplæring. Departementet legg til grunn at kommunen og foreldra har god kommunikasjon om gjennomføringa av tilsynet.

Nokre barn kan få opplæring delvis heime og delvis på skolen. Foreldra kan imidlertid ikkje krevje at kommunen legg til rette for at barnet får opplæringa si delvis i ein offentleg skole og delvis i form av privat grunnskoleopplæring i heimen.

Departementet vil vise til at barn berre har ei folkeregistrert adresse sjølv om dei har delt bustad. Utgangspunktet vil vere at tilsynet blir gjennomført på den folkeregistrerte adressa. Paragrafen er likevel ikkje til hinder for at kommunen kan føre tilsyn begge stader, dersom det er mest praktisk. Dette vil kommunen og foreldra finne ut av gjennom dialog.

Når det gjeld reiser til utlandet, viser departementet til verkeområdet for opplæringslova og at plikta til grunnskoleopplæring fell bort dersom barnet oppheld seg utanfor Noreg i meir enn tre månader, sjå forslag til ny § 2-2 andre ledd. Opplæring som foreldre gir barna sine på lengre reiser eller opphold i utlandet, fell derfor utanfor reglane i opplæringslova.

### 39.5.4 Kva krav det bør stillast til opplæringa

Den private grunnskoleopplæringa i heimen skal svare til grunnskoleopplæringa som blir gitt i offentlege eller private skolar.

Departementet foreslår at paragrafen om formålet med opplæringa skal gjelde for privat grunnskoleopplæring i heimen.

Det har vore noko tvil knytt til om overordna mål og prinsipp for opplæringa også gjeld for privat grunnskoleopplæring i heimen. Departementet meiner, som opplæringslovutvalet, at overordna del av læreplanverket berre delvis passar for denne opplæringsforma. Det er derfor tilstrekkeleg at formålet med opplæringa gjeld.

Departementet foreslår at det, som i dag, skal vere krav om at opplæringa må vere i samsvar med læreplanar for fag og fag- og timefordelinga, sjá forslaget til § 1-4 andre ledd og § 1-6 første ledd.

Departementet foreslår vidare at også ny § 14-7 om opplæring om emna kristendom, religion, livssyn og etikk skal gjelde for privat grunnskoleopplæring i heimen. Paragrafen er omtalt i punkt 35.5.3. Som i dag bør det også vere eit forbod mot forkynning i opplæringa, og departementet foreslår derfor at ny § 14-5 skal gjelde for privat grunnskoleopplæring i heimen. Paragrafen er omtalt i punkt 35.5.2. Paragrafen oppstiller eit generelt forbod mot forkynning i opplæringa. Departementet vil understreke at reglane gjeld for opplæringa og ikkje er til hinder for at ein driv forkynning/religionsutøving *i tillegg til* opplæringa som gis i heimen. Departementet ser at det i praksis ikkje vil vere eit like klart skille mellom kva som er opplæring og ikkje, når foreldre gir opplæring til eigne barn.

Krava til innhaldet i den private grunnskoleopplæringa i heimen vil som i dag berre gjelde så langt reglane ikkje kjem i strid med Noregs folkerettslege pliktar. Reglar i EMK og barnekonvensjonen inneber at foreldre har rett til å velje ein opplæring for sine barn som er i tråd med deira etiske eller religiøse overtyding. Folkeretten gir likevel staten rett til å krevje ein minstestandard på opplæringa og at opplæringa skal oppfylle nærmare bestemte formål. Departementet foreslår at presiseringa i dagens lov om at krava til innhaldet i opplæringa gjeld «så langt reglane ikkje kjem i strid med Noregs folkerettslege pliktar», ikkje blir teken med i ny § 22-5. Noregs internasjonale forpliktingar har uansett forrang og vil gå føre anna norsk lovgivning, jf. menneskeretslova §§ 2 og 3.

I dag gjeld regelen om tilpassa opplæring for privat grunnskoleopplæring i heimen. Tilpassa

opplæring handlar om at opplæringa – innanfor eit fellesskap – skal leggjast til rette på ein slik måte at alle elevar skal få best utbytte av opplæringa. Når elevar får privat grunnskoleopplæring i heimen, må det vere føresett at denne blir tilrettelagd på ein slik måte at barnet får best mogleg utbytte. Departementet foreslår derfor ikkje at kravet om tilpassa opplæring skal gjelde for privat grunnskoleopplæring i heimen.

### **39.5.5 Korleis sikre at barna får oppfylt retten sin til opplæring?**

#### *Krav om meldeplikt ved oppstart av privat grunnskoleopplæring i heimen*

Departementet foreslår å lovfeste ei plikt for foreldra til å melde frå til kommunen før dei startar opp privat grunnskoleopplæring. Etter dagens opplæringslov har ikkje foreldra denne plikta. Dei fleste melder likevel frå ettersom foreldre kan straffast for brot på opplæringsplikta.

Departementet foreslår å lovfeste ei plikt for foreldra til å melde frå til kommunen før dei startar opp privat grunnskoleopplæring. For å tene formålet sitt må meldinga opplyse om namn på barnet, adresse, kven av foreldra som skal stå for opplæringa, og når opplæringa skal starte. Reglane i barnelova vil gjelde for spørsmålet om samtykkje frå begge foreldra. Ei meldeplikt før oppstart inneber at opplæringa kan starte omgåande etter at ei slik melding er send til kommunen.

Departementet har vurdert om foreldra bør levere ein plan for opplæringa. Sjølv om meldinga gjerne kan vise kva plan foreldra har for opplæringa, til dømes om læremiddel, læringsarenaer og kompetanse, meiner departementet at det ikkje er tenleg å kreve at meldinga opplyser om dette. Ei enkel meldeplikt vil gi kommunen nok informasjon til å starte opp ein dialog med foreldra og leggje grunnlag for rettleiing og tilsyn. Kommunen kan skaffe seg nødvendig tilleggsinformasjon gjennom denne kontakten. Meldingar som i seg sjølv indikerer at heimeopplæringa ikkje vil oppfylle krava i lova, må kommunen følgje opp på ein forsvarleg måte. I slike tilfelle bør kommunen raskt ta kontakt med familien, anten for å ha ein samtale eller gjennom å opne eit tilsyn.

Departementet har vurdert forslaget frå opplæringslovutvalet om å innføre eit krav om førehandsgodkjenning frå kommunen for å kunne starte opp privat grunnskoleopplæring av heimen. Forslaget møtte stor motstand under høyringa av

NOU 2019: 23, og departementet følgde ikkje opp dette forslaget i høyringa. Departementet er av den oppfatninga at ei meldeplikt til kommunen, kombinert med ei endring av tilsynsreglane, vil gi kommunen tilstrekkeleg informasjon til at eventuelle avvik kan oppdagast og rettast opp raskt. I tillegg er det ein fordel at foreldre kan starte opp heimeundervisninga raskt og sleppe å vente på svar på ein søknad, til dømes der eleven ikkje trivst på skolen.

#### *Plikt for kommunen til å føre tilsyn innan tre månader*

Departementet foreslår å påleggje kommunane ei plikt til å føre tilsyn med privat grunnskoleopplæring i heimen innan tre månader etter oppstart.

Etter dagens opplæringslov har kommunane både rett og plikt til å føre tilsyn med privat grunnskoleopplæring i heimen. Regelen er generelt utforma og seier ikkje noko om når eller korleis tilsynet skal utførast. Det må likevel kunne leggjast til grunn at tilsynet blir gjennomført på ein slik måte at kommunen forsikrar seg om at barnet får ei opplæring som er i samsvar med reglane.

I dag ligg det ikkje føre noka plikt til å føre tilsyn innan ei viss tid, og tilsyn blir vanlegvis utført etter ei risikovurdering. Det kan dermed gå lang tid før kommunen fører tilsyn og slik tek stilling til om eleven faktisk får oppfylt retten sin til opplæring.

Departementet meiner at det er svært viktig at kommunen forsikrar seg om at barnet får oppfylt retten sin til grunnskoleopplæring. Då er det avgjerande at avvik blir oppdaga og retta opp tidleg. Det beste vil derfor vere om kommunen fører tilsyn kort tid etter at opplæringa har starta opp. Departementet meiner derfor at det er nødvendig å påleggje kommunane ei lovfesta plikt til å føre tilsyn med privat grunnskoleopplæring i heimen innan tre månader etter at opplæringa har starta.

At aktiviteten må skje innan tre månader, balanserer at tilsynet bør opnast tidleg, før (risiko for) avvik oppstår, og at opplæringa har komme i gang slik at det er eit tilbod å føre tilsyn med. Det er ikkje praktisk å lovfeste at tilsynet må vere gjennomført og lukka i løpet av tre månader.

Kommunen kan opne tilsyn med ein gong den private grunnskoleopplæringa har starta opp. Tidspunktet for å opne tilsyn må kommunen vurdere på bakgrunn av ei risikovurdering. Det blir ikkje stengt for at foreldre kan gjere nye forsøk på privat grunnskoleopplæring i heimen sjølv om det tidlegare har vorte gitt pålegg om at barnet skal gå på skole. I slike tilfelle vil det likevel ofte vere informasjon som tilseier at det er risiko for at bar-

net ikkje får oppfylt retten sin til grunnskoleopplæring, og at kommunen derfor bør opne tilsyn tidleg.

Departementet meiner at tidleg tilsyn reduserer risikoen for at elevane ikkje får oppfylt retten sin til opplæring. Omsynet til det beste for barna og retten deira til opplæring taler derfor for å påleggje kommunane ei slik plikt. Departementet meiner det er nødvendig med eit eige lovkrav for å sikre at kommunane alltid fører tilsyn i løpet av kort tid etter at opplæringa i heimen startar.

Ein tidsfrist bør ikkje vere ei vesentleg utfordring for kommunane, i og med at dei allereie har ansvaret for å føre tilsyn. Også i dag bør kommunane vurdere det slik at det er ein viss risiko for at elevar som får opplæring i heimen, ikkje får oppfylt retten sin til opplæring. I tillegg er det jamt over få saker om privat grunnskoleopplæring i heimen.

Enkelte høyningsinstansar har etterspurt at lovverket presiserer korleis og kor ofte tilsynet skal gjennomførast. Departementet meiner at det ikkje bør vere fleire krav til tilsynet enn at det skal opnast innan tre månader. Det bør som i dag vere kommunen si eiga risikovurdering som bestemmer kva frekvens og kva omfang tilsynet skal ha. Kommunen skal løpende vurdere om det er behov for eit nytt tilsyn, basert på ei vurdering av risikoen for at barnet ikkje får den opplæringa det skal ha.

Departementet foreslår å vidareføre at kommunen kan kalle barnet inn til særskilde prøvar som ledd i tilsynet.

Departementet foreslår også å vidareføre at kommunen kan krevje at barnet byrjar på skolen, dersom krav lova og forskrifta har til grunnskoleopplæring i heimen, ikkje blir oppfylte. Det same gjeld dersom tilsyn ikkje er mogleg. Avgjerda til kommunen om å krevje at barnet får opplæring i skolen, er eit enkeltvedtak foreldra kan klage på til statsforvaltaren etter forslaget til ny § 29-1. Dersom foreldra nektar å rette seg etter vedtaket, kan dei bøteleggjast etter forslaget til § 2-7.

Departementet legg til grunn at kombinasjonen av melde- og tilsynsplikt vil bidra til å sikre at barna får oppfylt retten til grunnskoleopplæring. Departementet vil følgje med på korleis dei nye reglane fungerer, og om det er behov for andre reglar for å sikre at barn får oppfylt retten sin til grunnskoleopplæring.

### **39.5.6 Forholdet til aktivitetsplikta skolane har i saker om skolemiljø**

Det kan vere mange årsaker til at foreldre ønskjer å undervise sine eigne barn. Det kan til dømes vere at barnet ikkje trivst på skolen. Departementet vil understreke at privat grunnskoleopplæring i heimen ikkje skal vere løysinga i slike saker. Departementet vil vise til reglane om skolemiljø, omtalte i punkt 33, og at skolane har plikt til å setje inn tiltak dersom ein elev ikkje har det trygt og godt på skolen. Når ein elev blir teken ut av skolen for å få privat grunnskoleopplæring i heimen, gjeld i utgangspunktet ikkje desse reglane lenger ettersom barnet ikkje lenger er elev ved skolen. Departementet går likevel ut frå at kommunen, som framleis skal ha kontakt med familién gjennom tilsyn, vil følgje opp elevar og familiær som vel privat grunnskoleopplæring i heimen fordi barnet ikkje trivst på skolen. Det er viktig at eleven får hjelp til å komme seg tilbake til skolen dersom det er ønskjeleg.

## **39.6 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å vidareføre reglar om foreldre si grunnskoleopplæring av eigne barn i sin eigen heim, sjå forslaget til § 22-5
- å i hovudsak vidareføre krava til innhaldet i den private grunnskoleopplæringa, sjå forslaget til § 22-5 andre ledd
- at nemninga «privat grunnskoleopplæring i heimen» skal brukast i lova, sjå forslaget til § 22-5
- at det blir innført ei meldeplikt til kommunen før oppstart av heimeopplæring, sjå forslaget til § 22-5 første ledd
- at kommunane framleis skal føre tilsyn med grunnskoleopplæring i heimen, og at det blir presisert at kommunane skal føre tilsyn med opplæringa innan tre månader etter at opplæringa har starta opp, sjå forslaget til § 22-5 tredje ledd
- å vidareføre at kommunen kan kalle barnet inn til særskilde prøvar som ledd i tilsynet, sjå forslaget til § 22-5 tredje ledd
- å vidareføre at kommunen kan krevje at barnet byrjar på skolen, dersom krav lova og forskrifta har til grunnskoleopplæring i heimen, ikkje blir oppfylte, sjå forslaget til § 22-5 fjerde ledd

## 40 Rett til vidaregåande opplæring

### 40.1 Innleiing

Dette punktet handlar om reglar for den vidaregåande opplæringa for ungdom. Sidan departementet foreslår å utvide rettane til vidaregåande opplæring, som mellom anna inneber større valfridom for den enkelte til å velje mellom opplæring for ungdom eller vaksne, vurderer departementet i dette punktet også vilkåra for rett til vidaregåande opplæring for vaksne.

Punktet handlar også om eit forslag om ein yrkesfagleg rekvalifiseringssrett, som departementet foreslår skal gjelde etter reglane om vidaregåande opplæring for vaksne. Andre reglar om vidaregåande opplæring for vaksne er tema i punkt 43.

Punkt 40.2 handlar derfor om reglar om vidaregåande opplæring for ungdom og vaksne, punkt 40.3 handlar om vidaregåande opplæring for vaksne, medan resten av punkta i hovudsak handlar om reglar om vidaregåande opplæring for ungdom.

Under kvart temapunkt omtalar departementet dagens reglar, høyningsforslaget, høyningsinstitusjonenes syn og departementets vurdering:

- Vilkåra for rett til vidaregåande opplæring (punkt 40.2)
- Rett til yrkesfagleg rekvalifisering (punkt 40.3)
- Rett til omval (punkt 40.4)
- Rett til påbygging til generell studiekompetanse (punkt 40.5)
- Intaksreglar i vidaregåande opplæring (punkt 40.6)
- Gratisprinsippet i vidaregåande opplæring (punkt 40.7)
- Om fylkeskommunen skal tilby anna opplæring ved behov (punkt 40.8)
- Kva fylkeskommunen skal legge vekt på i planlegginga av det vidaregåande opplæringstilbodet (dimensjonering) (punkt 40.9)
- Kva den vidaregåande opplæringa består av (punkt 40.10)
- Overgangen frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa (punkt 40.11)

### 40.2 Vilkåra for rett til vidaregåande opplæring

#### 40.2.1 Dagens reglar

##### 40.2.1.1 Grunnlova og Noregs folkerettslege forpliktingar

Staten skal sikre tilgang til vidaregåande opplæring, jf. Grunnlova § 109. I NOU 2019: 23, kapittel 24.2.1, har utvalet gitt ei nærmere forklaring for reglar som følgjer av Grunnlova og folkeretten.

##### 40.2.1.2 Opplæringslova

###### Rett til vidaregåande opplæring for ungdom

Rett til vidaregåande opplæring for ungdom (ofte omtalt som ungdomsretten) er regulert i opplæringslova § 3-1. I motsetning til grunnskoleopplæringa, der barn har både rett og plikt til opplæring, har ingen plikt til å delta i eller gjennomføre vidaregående opplæring.

Den vidaregåande opplæringa fører fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse, jf. § 3-3 første ledd. Grunnkompetanse er ei fellesnemning på all kompetanse som ikkje utgjer studiekompetanse eller yrkeskompetanse.

Det er fylkeskommunen der kvar enkelt bur, som skal oppfylle retten til vidaregåande opplæring. Dette følgjer av § 13-3 første ledd. Ved ledig kapasitet pliktar fylkeskommunane også å gi tilbod til søkerar frå andre fylke. Vertsfylkeskommunen vil då få refusjon frå heimfylket til eleven, jf. § 13-3 andre ledd.

###### Kven retten til vidaregåande opplæring gjeld for

Ungdom som har fullført grunnskolen eller tilsvarende opplæring, har etter søknad rett til tre års heiltids vidaregåande opplæring. Dette står i § 3-1 første ledd. Kravet om «fullført» skal forståast som *delteke i* eller *giennomført*. Det er ikkje eit krav om å ha bestått grunnskoleopplæringa. Retten til vidaregåande opplæring gjeld derfor uavhengig av kva kunnskapar og ferdigheter søker.

ren har tileigna seg i grunnskolen. Reglane i forskrift til opplæringslova § 6-13 regulerer kven som blir rekna for å ha fullført norsk grunnskoleopplæring eller tilsvarande.

Retten til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1 gjeld også dei som har fullført vidaregåande opplæring i eit anna land, men som ikkje får godkjent denne opplæringa som studiekompetanse eller yrkeskompetanse i Noreg. Dei som har rett til vidaregåande opplæring etter dette alternativet, kan velje å få vidaregåande opplæring som er særleg organisert for vaksne etter § 4A-3, der som dei søker om dette. Opplæring særleg organisert for vaksne kan vere meir fleksibel og tilpassa livssituasjonen til den enkelte, men ungdommane vil i så fall miste enkelte rettar dei ville hatt om dei brukte retten etter § 3-1. Dette gjeld til dømes rett til spesialundervisning, særskild språkopplæring og skyss. Lånekassens støtteordningar vil også variere ut frå om dei blir tekne inn til opplæring organisert for ungdom eller vaksne.

Ungdom som har rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1, kan etter søknad og når det ligg føre særlege grunnar, heller få vidaregåande opplæring som er særleg organisert for vaksne etter opplæringslova § 4A-3. Dette følger av § 3-1 tiande ledd. Døme på slike grunnar kan vere alderen til den det gjeld, eller at hen er i arbeid og derfor har større behov for den fleksibiliteten som ligg i opplæring organisert for vaksne.

#### *Omfanget av retten til vidaregåande opplæring*

Etter søknad har ungdom rett til tre års heiltids vidaregåande opplæring. Dersom læreplanen i eit fag føreset lengre opplæringstid enn tre år, blir retten utvida så han varer like lenge som opplæringstida i faget, jf. § 3-1 første ledd.

Etter opplæringslova § 3-1 femte ledd har enkelte elevar rett til vidaregåande opplæring i inntil to år ekstra. Dette gjeld mellom anna elevar som har rett til spesialundervisning, og som treng ekstra tid for å kunne nå «opplæringsmåla for den enkelte», og elevar som har rett til særskild språkopplæring.

#### *Om bruk av retten til vidaregåande opplæring m.m.*

Dersom opplæringa til ein som har ungdomsrett, i løpet av eit skoleår utgjer ein tredel eller mindre av timetalet til eit utdanningsprogram eller eit programområde, har hen ikkje brukt av retten til vidaregåande opplæring etter § 3-1.

Ungdomsretten til vidaregåande opplæring gjeld ut det skoleåret som byrjar det året ein per-

son fyller 24 år, jf. opplæringslova § 3-1 tredje ledd. Dersom hen ikkje har fullført dei åra hen har rett til etter § 3-1 første ledd (normalt tre år), innan fristen, vil hen ha rett til vidaregåande opplæring for vaksne, jf. opplæringslova § 4A-3.

#### *Rett til vidaregåande opplæring for vaksne*

Retten til vidaregåande opplæring for vaksne er regulert i § 4A-3. Dagens reglar kjem fram av punkt 43.5.1.

#### **40.2.2 Høyningsforslaget**

I høyringa foreslo departementet

- å vidareføre dagens reglar om kven som har rett til vidaregåande opplæring for ungdom og vaksne, nemleg dei som har fullført grunnskolen eller tilsvarande, og dei som har fullført vidaregåande opplæring i eit anna land, men ikkje fått opplæringa godkjend som studiekompetanse eller yrkeskompetanse i Noreg
- å vidareføre at dei som berre har rett til vidaregåande opplæring for ungdom, på visse vilkår i staden kan få vidaregåande opplæring for vaksne
- å gjere tydeleg i lova at departementet kan gi nærmere forskriftsreglar om kven som har rett til vidaregåande opplæring
- å utvide retten til vidaregåande opplæring for ungdom og vaksne slik at han gjeld fram til den enkelte har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse
- å gi personar mellom 19 og 25 år moglegheita til å velje mellom vidaregåande opplæring for ungdom eller vaksne

Departementet følgde med dette høyningsforslaget delvis opp opplæringslovutvalets NOU 2019: 23, kapittel 24. Dei foreslattede vidareføringane er i hovudsak i tråd med forslaget frå utvalet, medan den utvida retten til vidaregåande opplæring og den foreslattede auka fleksibiliteten til å velje mellom opplæring for ungdom og vaksne er nytt i departementets høyningsforslag.

#### **40.2.3 Høyningsinstansanes syn**

##### **40.2.3.1 Kven som skal ha rett til vidaregåande opplæring**

Få høyningsinstansar har innspel til forslaget om å vidareføre reglane om kven som har rett til vidaregåande opplæring for ungdom og vaksne, nemleg personar som har fullført grunnskolen eller tilsva-

rande opplæring, og personar som har fullført vidaregåande opplæring i eit anna land, men som ikkje får godkjent opplæringa som studiekompetanse eller yrkeskompetanse i Noreg.

Dei svært få høringsinstansane som har uttalt seg om forslaget om å vidareføre separate reglar om vidaregåande opplæring for høvesvis ungdom og vaksne, støttar dette. Dette inkluderer også forslaget om å ha to paragrafar om rett til vidaregåande opplæring for høvesvis ungdom og vaksne.

*Unit* er usikre på korleis godkjenninga skjer for «dei som har fullført vidaregåande opplæring i eit anna land, men ikkje får godkjent opplæringa som studiekompetanse eller yrkeskompetanse i Noreg».

#### 40.2.3.2 Rett til vidaregåande opplæring fram til den enkelte har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse

Over 60 høringsinstansar har uttalt seg om forslaget om å fjerne dagens tidsavgrensing, slik at retten til vidaregåande opplæring varer fram til den enkelte har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse. Dei aller fleste støttar forslaget, inkludert fleire statsforvaltarar og fylkeskommunar, KS og ei rekke organisasjonar. *Utdanningsforbundet* støttar forslaget og trekkjer fram som positivt at ein slik utvida rett bidreg til at fleire unge og vaksne får betre moglegheit til å fullføre og bestå vidaregåande opplæring. Også *Statsforvaltaren i Troms og Finnmark* støttar forslaget og peikar mellom anna på at ein slik rett vil auka moglegheita for at elevar og deltakarar som av ulike grunnar treng lengre tid til på opplæringa, kan oppnå ønsket sluttkompetanse. Statsforvaltaren meiner også at det er positivt at forslaget inneber at dei som går planlagde løp mot sluttkompetanse på eit lågare nivå enn studie- eller yrkeskompetanse, ikkje mistar retten til opplæring fram til studie- eller yrkeskompetanse. Fleire av dei andre høringsinstansane som støttar forslaget, har liknande innspel om at ei slik utviding av dagens rettar er eit svært viktig grep for at fleire skal kunne fullføre og bestå vidaregåande opplæring.

Fleire av dei som støttar forslaget, peikar likevel på at forslaget vil ha store økonomiske og administrative konsekvensar for fylkeskommunane som dei må kompenserast fullt ut for. *Møre og Romsdal fylkeskommune* synest det er vanskeleg å sjå for seg dei økonomiske og administrative konsekvensane, då det vil avhenge av kor mange som nyttar seg av dei utvida rettane til vidaregåande opplæring frå år til år. KS meiner at kostnadene til «fullføringsreforma» er stipulert for lågt i

høringsnotatet. *Viken fylkeskommune* skriv at forslaget vil føre til at ungdommar og vaksne vil bruke lengre tid på den vidaregåande opplæringa, at det blir auka behov for areal, og at fleire vil ha kontrakt med godkjende lærerebedrifter, noko som i sum vil gi ein stor meirkostnad for fylkeskommunen. *Oslo kommune* har skissert forslag til kostnadsberekingar basert på gitte moglege føresetnader. Kommunen legg elles til grunn at auka kostnader for kommunen som følgje av forslaga i høringsforslaget blir fullt ut kompenserte.

*Møre og Romsdal fylkeskommune* støttar forslaget, men er bekymra for korleis fylkeskommunen skal planleggje og dimensjonere det vidaregåande tilbodet til eit ukjent tal søkjrarar som får ny rett til vidaregåande opplæring. *Oslo kommune* har tilsvarende innspel og er særleg bekymra for manglande kapasitet (og økonomiske kostnader) for elevar med nedsett funksjonsevne.

Fleire av høringsinstansane, inkludert *Statsforvaltaren i Innlandet*, *Kristiansand kommune* og *Norsk Forbund for Utviklingshemmede*, stiller spørsmål om forholdet mellom dei som i dag går opplæringsløp fram mot grunnkompetanse, og forslaget om å utvide rettane til opplæring fram til oppnådd studie- eller yrkeskompetanse. Enkelte lurar på korleis den utvida retten slår inn for denne gruppa. Fleire peikar på at ei rettleiing om dette er nødvendig. *Statsforvaltaren i Oslo og Viken* meiner at ei slik rettleiing må vere på plass med éin gong, og ikkje først etter at dei nye reglane har fungert ei stund slik departementet skisserte i høyringa.

*Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark* støttar forslaget, men meiner likevel at det bør vere ei målsetjing at flest mogleg elevar fullfører innanfor ei normert tidsramme. Også *Statsforvaltaren i Vestland* og foreininga *Foreldre til blinde barn* har liknande innspel. *Foreldre til blinde barn* støttar i utgangspunktet forslaget, men meiner at hovudfokuset bør vere på tilrettelegging, slik at blinde og sterkt svaksynte elevar har føresetnader for å fullføre vidaregåande opplæring innanfor normert tid.

*Viken fylkeskommune* set spørjeteikn ved korleis elevar med behov for spesialundervisning skal ta omsyn til den utvida retten, når dei to åra ekstra som denne gruppa kan få, blir borte med nye reglar om tidsuavgrensa rett, og skriv:

*Viken fylkeskommune* ber derfor om en presisering av hvordan forslaget til ubegrenset rett til vidaregående opplæring skal praktiseres for denne elevgruppen. Det må gis føringer for når retten skal opphøre og når sluttkompetansen

er oppnådd for elever med omfattende behov for spesialundervisning.

*Faglig råd for elektro og data teknologi* støttar forslaget om å fjerne dagens tidsavgrensing, men meiner det er uklart kva rettar til vidare opplæring som gjeld dersom kandidaten stryk til eksamen eller fagprøve. *Nelfo* har tilsvarande innspel. *EL og IT Forbundet* meiner det må komme fram av lova at læretida og opplæringskontrakten blir forlengd fram til ein består eksamen/fagprøve, sidan retten til vidaregåande opplæring varer fram til oppnådd studie- eller yrkeskompetanse.

#### 40.2.3.3 Avgrensing av retten

Få høringsinstansar har uttalt seg om avgrensingane i forslaget, nemleg at retten ikkje skal omfatte opplæring til elevar som ønskjer å forbetre karakterar, og at retten som utgangspunkt ikkje skal gjelde opplæring i fleire fag enn det som trengst for å fullføre og bestå opplæringa. Dei aller fleste som har uttalt seg, støttar forslaget om desse avgrensingane, mellom anna *Norsk Lektorlag*. *Akademikerne* uttaler at det er ein føresetnad for dei utvida rettane til vidaregåande opplæring at departementet konkretiserer og legg fornuftige avgrensingar på retten til å fullføre. *Troms og Finnmark fylkeskommune* støttar som utgangspunkt forslaget om at retten ikkje gjeld fag som allereie er bestått, men vil ha unntak for dei som gjer omval.

*Møre og Romsdal fylkeskommune* set spørjetekn ved at ordlyden i forslaget § 5-1 femte ledd («Retten til vidaregåande opplæring gjeld ikkje opplæring i fag som allereie er bestått») er så absolutt, og skriv:

I dag har vi unntak for dei har teke privatistek-samenar før dei har vore elev i eit fag, som forankra i rundskriv om individuell vurdering (§ 3-14 i UDIR-2-2020). I dag er det også aktuelt med unntak for dei som tek omval. Møre og Romsdal fylkeskommune er elles einig i forslaget, og meiner at presiseringa i femte avsnitt er god.

#### 40.2.3.4 Fleksibilitet til å velje mellom vidaregåande opplæring for ungdom eller vaksne

I underkant av 30 høringsinstansar har uttalt seg om forslaget om å gi dei mellom 19 og 24 år moglegheita til å velje mellom vidaregåande opplæring for ungdom eller vidaregåande opplæring for

vaksne. Dei aller fleste støttar forslaget, inkludert *Barneombodet, Møre og Romsdal fylkeskommune, Agder fylkeskommune, Troms og Finnmark fylkeskommune, Trøndelag fylkeskommune, KS, LO og Elevorganisasjonen*.

*Viken fylkeskommune* meiner nedre aldersgrense for å kunne velje vidaregåande opplæring for vaksne bør vere 21 år, og grunngir innspelet med at organiseringa av opplæring for ungdom i større grad enn opplæringa for vaksne er ein arena for sosialisering og personleg utvikling i samspel med jamaldra, og at det primære tilbodet for dei under 21 år derfor bør vere vidaregåande opplæring for ungdom.

*Skolelederforbundet* meiner valfridom frå 19 år kan påverke elevsamsetninga og vere utfordrande å handtere når det gjeld dimensjonering og forvaltning.

*Norsk Lektorlag* støttar ikkje forslaget og meiner at vaksne som tek vidaregåande opplæring, ofte har opplevd helseutfordringar, lærevanskar og liknande, som gjer at dei vil ha best utbytte av eit meir tilpassa tilbod innanfor opplæring for vaksne. Foreningen meiner vidare at den foreslakte regelen kan føre til at fylkeskommunane vil opprette færre tilbod for vaksne.

*Innlandet fylkeskommune* ønskjer inga øvre aldersgrense og meiner at auka valfridom for alle vil medføre at alle som ønskjer det, kan ta vidaregåande opplæring på heiltid.

#### 40.2.4 Departementets vurdering

##### 40.2.4.1 Kven som skal ha rett til vidaregåande opplæring

Departementet foreslår, i tråd med høyringa, å vidareføre dagens reglar om kven som har rett til vidaregåande opplæring, nemleg personar som har fullført grunnskolen eller tilsvarande opplæring, og personar som har fullført vidaregåande opplæring i eit anna land, men som ikkje får godkjent opplæringa som studiekompetanse eller yrkeskompetanse i Noreg. Som i høyringa foreslår departementet å presisere i reglane at retten til opplæring berre gjeld for dei som truleg skal vere i Noreg i meir enn tre månader.

Departementet foreslår, i tråd med høyringa, å vidareføre dagens lovstruktur, der reglar for vidaregåande opplæring for ungdom og reglar for opplæringa for vaksne står kvar for seg i lova. Dette inkluderer også å ha to paragrafar om rett til vidaregåande opplæring for høvesvis ungdom i § 5-1 og vaksne i § 18-3. For nærmare informasjon om særreglane for vaksne, sjå omtalen i punkt 43.

*Unit* meiner det er uklart kva slags godkjening departementet siktar til når det gjeld retten til vidaregåande opplæring for personar som har fullført vidaregåande opplæring i eit anna land, men som ikkje får godkjent opplæringa som studiekompetanse eller yrkeskompetanse i Noreg. Departementet gjer merksam på at det i merknadene til dagens § 3-1 første ledd i Prop. 79 L (2016–2017), s. 29 står: «At opplæringa ikkje blir godkjend, vil seie at ho ikkje gir generell studiekompetanse etter GSU-lista (generell studiekompetanse for utanlandske søkerar) eller ikkje blir godkjend av NOKUT som sidestilt med norsk fag eller sveinebrev». Denne forståinga er meint å føresta vidare i den nye lova, sjå også merknadene til forslaget § 5-1 første ledd.

Departementet foreslår også, i tråd med høyingsforslaget, å presisere i lova at departementet kan gi forskrift om kven som har rett til vidaregåande opplæring, sjå forslaget til § 5-1 siste ledd. I dagens forskrift er det slike reglar i § 6-13.

#### 40.2.4.2 Rett til vidaregåande opplæring fram til den enkelte har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse

Departementet foreslo i høyingsnotatet at retten til vidaregåande opplæring skal gjelde heilt fram til den enkelte har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse, i tråd med Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. Departementet opprettheld dette forslaget.

Dette inneber at avgrensingane som ligg i dagens hovudregel om tre års heiltids vidaregåande opplæring for ungdom, ikkje blir vidareført. Også andre avgrensingar i retten til opplæring for ungdom som er baserte på tidsbruk, vil forsvinne. Dette gjeld til dømes retten til to år ekstra opplæring for dei med spesialundervisning som treng meir tid for å nå opplæringsmåla.

I dagens reglar om rett til vidaregåande opplæring for vaksne er det ikkje fastsett noka tidsramme. I Utdanningsdirektoratets rundskriv Udir-2008 er det lagt til grunn at retten vaksne har til vidaregåande opplæring, likevel ikkje er uavgrensa, mellom anna for vaksne som ikkje har føresetnader for å bestå det aktuelle faget, eller for vaksne som har gått opp til eksamen i og ikkje bestått eit fag. Forslaget inneber at dei nemnde avgrensingane for vaksne ikkje blir haldne ved lag.

Forslaget er i tråd med dei mange høyingsinstansane som meiner at ein slik «fullføringsrett» er eit svært viktig grep for at fleire skal fullføre og bestå vidaregåande opplæring. Det å ha ein kvalifi-

kasjon frå vidaregåande opplæring har vorte ein nødvendig føresetnad for å få varig tilknyting til det norske arbeidslivet. Målet er at alle som går inn i vidaregåande opplæring, faktisk blir kvalifiserte til lærepass, arbeid, utdanning og livslang læring, noko forslaget om utvida rettar til vidaregåande opplæring kan bidra til.

Departementet viser til at enkelte høyingsinstansar meiner at forslaget kan utfordre den opplæringskapasiteten fylkeskommunane har i dag, og at forslaget kan gjere dimensjoneringa av opplæringstilbodet vanskelegare. Dette er forhold som er tekne i betraktning ved vurderinga av økonominiske og administrative konsekvensar. Departementet legg til grunn at utfordringane med dimensjonering vil vere størst dei første åra etter at dei nye reglane er sett i kraft, og at fylkeskommunane etter kvart vil få eit godt erfaringsgrunnlag når dei skal planleggje det vidaregåande opplæringstilbodet sitt.

Forslaget inneber at dei som har opplæringsløp med ein planlagd sluttkompetanse på lågare nivå enn studie- eller yrkeskompetanse, skal behalde retten til opplæring fram mot studie- eller yrkeskompetanse. Dette inneber ikkje ei forventning om at dei som har fullført planlagt grunnkompetanse, skal gå vidare mot studie- eller yrkeskompetanse. Det viktigaste er at den enkelte er i eit vidaregåande opplæringsløp som er rett i forhold til hens føresetnader eller behov. For å sikre like moglegheiter og unngå diskriminering ser departementet det likevel som tenleg at også dei som har oppnådd grunnkompetanse, beheld retten til å gå vidare mot studie- eller yrkeskompetanse, dersom den enkelte ønskjer det.

Den utvida retten kan bli administrativt og økonomisk utfordrande for fylkeskommunane dersom mange elevar bruker mange år i vidaregåande. Dette kan til dømes gjelde personar med sterkt utviklingshemming eller andre varige funksjonsnedsetjingar, som ein går ut frå at ikkje vil kunne oppnå ein studie- eller yrkeskompetanse, men som likevel blir verande i vidaregåande opplæring over tid. Departementet meiner at desse moglege utfordringane ikkje bør løysast gjennom avgrensingar i lova eller gjennom formuleringar i forarbeida som set avgrensingar for retten til opplæring. Eit betre verkemiddel for å møte bekymringane til høyingsinstansane knytte til elevgruppa som ikkje kan oppnå studie- eller yrkeskompetanse er å utforme retningslinjer for tilboda. Formålet med ei slik rettleiing vil ikkje vere å avgrensa retten, men å hjelpe skolar og fylkeskommunar med å lage eit godt tilbod til elevar som ikkje har føresetnad for å fullføre med studie-

eller yrkeskompetanse. Departementet tek sikte på at det blir laga ei slik rettleiing.

Departementet vil følgje med på utviklinga og vurdere om det er behov for endringar dersom det viser seg at dei foreslårte utvidingane har uheldige konsekvensar. Departementet har ikkje haldepunkt for å kunne leggje til grunn at ei slik rettsutviding vil føre til massiv søkning til vidaregåande opplæring. Det er like sannsynleg at elevane oppfører seg omtrent som før, men at ein utvida rett vil gi fylkeskommunane insentiv til å tidlegare identifisere elevar med behov for tilpassingar og ekstra støtte for å kunne fullføre planlagt løp, kvalifisere den enkelte for vidare studium og arbeid og førebu den enkelte til eit mest mogleg sjølvstendig vaksenliv og deltaking i samfunnslivet.

Enkelte høyningsinstansar set spørjeteikn ved betydninga av den utvida retten for dei som har læretid i bedrift, inkludert dei som har stroke på fag- eller sveineprøven. Etter forslaget om utvida rett til vidaregåande opplæring er det fylkeskommunen som vil ha ansvaret for å tilby opplæring fram til den enkelte har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse. Det vil derfor vere opp til fylkeskommunen, med mindre noko særskilt er fastsett i forskrift, å vurdere kva slags opplæring som skal tilbydast. Dette gjeld også overfor dei som har avslutta den planlagde læretida utan å ha bestått fag- eller sveineprøven.

#### *40.2.4.3 Retten skal ikkje omfatte opplæring til elevar som ønskjer å forbetra karakterar*

Departementet foreslo i høyringa, i tråd med Meld. St. 21 (2020–2021) og Stortingets vedtak i samband med denne, at den enkelte ikkje har rett til opplæring i fag som allereie er bestått. Dei som ønskjer å forbetra karakterane sine, må dermed gjere dette som privatist. Eit motargument til ein slik regel kan vere at han kan gi eit insentiv for enkelte til ikkje å prøve å bestå eit fag eller ein eksamen dersom han ligg an til ein dårleg karakter. Departementet foreslår likevel ein slik regel, og går ut frå at utfordringa nemnd over ikkje vil gjere seg gjeldande for mange elevar.

Departementet foreslår å ta inn eit etterhald i lova for dei tilfella der anna er regulert i forskrifter, slik som dagens forskriftsreglar om at elevan som tek fag på vidaregåande nivå medan dei går på ungdomstrinnet, og elevar som gjer omval, kan velje om faget skal godkjennast, eller om dei vil ta faget på nytt.

#### *40.2.4.4 Retten gjeld opplæring i dei faga som trengst for å fullføre og bestå opplæringa*

Departementet var i høyningsnotatet i utgangspunktet samd i vurderingane i Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden* om at retten til opplæring blir avgrensa slik at den enkelte ikkje har rett til opplæring i fleire fag enn det som trengst for å bestå opplæringa. I tråd med vurderingane i høyningsnotatet ser likevel ikkje departementet grunn til å regulere dette særleg i lova. Når den enkelte har rett til opplæring fram til oppnådd studie- eller yrkeskompetanse, inneber det at ein har rett til den opplæringa som er nødvendig for å bestå den vidaregåande opplæringa ein er teken inn på. Kor mange fag den enkelte får opplæring i, avheng av kva utdanningsprogram han har valt, og kva val den enkelte gjer innanfor dette utdanningsprogrammet.

Når det gjeld opplæring for vaksne, er det slik at den enkelte søker og blir teken inn ut frå sluttkompetansen som skal nåast, og opplæringa skal byggje vidare på realkompetansen til den enkelte. Det vil dermed vere sluttkompetansen på det opplæringstilbodet den enkelte har komme inn på, og realkompetansen til den enkelte, som er avgjørande for kva fag og kompetanse mål den vaksne skal få opplæring i.

#### *40.2.4.5 Fleksibilitet til å velje mellom vidaregåande opplæring for ungdom eller vaksne*

Dei som har fullført grunnskolen, men som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, har i dag rett til vidaregåande opplæring organisert for vaksne frå det året dei fyller 25 år. Departementet foreslår å gi dei mellom 19 og 25 år moglegheita til å velje om dei vil ha vidaregåande opplæring for ungdom eller vaksne. Dette inneber at dei mellom 19 og 25 år kan velje om dei vil søkje seg til vidaregåande opplæring etter dei alminnelege reglane i lovforslaget del tre og fire, eller om dei vil søkje seg til opplæring organisert for vaksne etter reglane i lovforslaget del fem. Dette gir den enkelte ein større fleksibilitet samanlikna med dagens reglar, noko eit klart fleirtal av høyningsinstansane støttar.

I høyringa bad departementet særskilt om tilbakemelding frå dei som ikkje ønskjer ei øvre aldersgrense for å kunne velje vidaregåande opplæring for ungdom. Dei aller fleste høyningsinstansane er samde i høyningsforslaget om at det er behov for ei øvre aldersgrense, og at denne kan vere 25 år, og departementet foreslår å lovfeste

dette. Fritt val mellom opplæring for ungdom og vaksne utan ei øvre aldersgrense for å kunne velje vidaregående opplæring for ungdom kan gjøre dimensjoneringsarbeidet for fylkeskommunane vanskeleg, og det kan vere ei ulempe for det sosiale miljøet dersom det blir for stor aldersspreiing i opplæringa for ungdom. Vidare kan det at fleire eventuelt vel fulle ungdomsløp i staden for å bygge på realkompetanse slik som i vidaregående opplæring for vaksne, innebere auka kostnader for fylkeskommunane.

I tillegg til den foreslårte fleksibiliteten for dei mellom 19 og 25 år foreslår departementet at det, på visse vilkår, skal vere mogleg for dei som berre har rett til vidaregående opplæring for ungdom, å søkje om å få vidaregående opplæring for vaksne. Dette er i tråd med dagens reglar og høyingsforslaget. For det første kan ein søkje om opplæring for vaksne dersom det er særlege grunnar for det, noko som til dømes kan vere tilfelle for dei som er i ein livssituasjon som gjer det nødvendig med ein meir fleksibel organisert opplæring. For det andre skal dei som har rett til vidaregående opplæring for ungdom fordi dei ikkje får godkjent opplæring frå utlandet som studiekompetanse eller yrkeskompetanse i Noreg, ha rett til å velje å få vidaregående opplæring for vaksne. Med den fleksibiliteten som er foreslått for dei mellom 19 og 25 år, er det likevel grunn til å tru at færre enn i dag vil ha behov for å søkje seg over til opplæring organisert for vaksne, då dei uansett vil ha rett til slik opplæring frå dei er 19 år.

Også dei som berre har rett til vidaregående opplæring for vaksne, kan ha moglegheita til å få opplæring for ungdom i staden. Sjå forslaget til § 18-3, der det kjem fram at dei som berre har rett til opplæring for vaksne, likevel kan få opplæring for ungdom dersom fylkeskommunen tilbyr det. Forslaget inneber at dei som blir tekne inn til vidaregående opplæring for ungdom på dette grunnlaget, får dei same rettane og pliktene som dei med rett til vidaregående opplæring for ungdom etter kapittel 5 i lova.

#### **40.2.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å vidareføre dagens reglar om kven som har rett til vidaregående opplæring, nemleg dei som har fullført grunnskolen eller tilsvarande, og dei som har fullført vidaregående opplæring i eit anna land, men ikkje fått opplæringa godkjent som studiekompetanse eller yrkeskompetanse i Noreg, sjå forslaget til §§ 5-1 første ledd og 18-3 første ledd

- å presisere at retten til vidaregående opplæring berre gjeld for dei som truleg skal vere i Noreg i meir enn tre månader i samanheng, sjå forslaget til § 5-1 første ledd siste punktum
- å utvide retten til vidaregående opplæring for ungdom og vaksne slik at han gjeld fram til den enkelte har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse, sjå forslaget til §§ 5-1 andre ledd og § 18-3 første ledd
- at retten til vidaregående opplæring ikkje gjeld opplæring i fag som allereie er bestått, med mindre anna går fram av forskrift gitt etter § 5-1 siste ledd, sjå forslaget til § 5-1 femte ledd
- å vidareføre øvre aldersgrense på 24 år for rett til vidaregående opplæring for ungdom, men å senke nedre aldersgrense for rett til vidaregåande opplæring for vaksne til 19 år, slik at dei mellom 19 og 25 år får moglegheita til å velje mellom vidaregående opplæring for ungdom eller vaksne, sjå forslaget til §§ 5-1 andre og tredje ledd og 18-3 første ledd
- å vidareføre at dei som berre har rett til vidaregående opplæring for ungdom, på visse vilkår i staden kan få vidaregående opplæring for vaksne, sjå forslaget til § 5-1 fjerde ledd
- å gjere tydeleg i lova at departementet kan gi nærmere forskriftsreglar om kven som har rett til vidaregående opplæring, sjå forslaget til § 5-1 sjuande ledd

### **40.3 Rett til yrkesfagleg rekvalifisering**

#### **40.3.1 Dagens reglar**

I dag er reglane slik at dei som allereie har ein yrkeskompetanse, ikkje har rett til vidaregående opplæring fram mot ein ny yrkeskompetanse. Dei som allereie har ein studiekompetanse, har heller ikkje rett til opplæring fram mot ein yrkeskompetanse.

#### **40.3.2 Høyingsforslaget**

I høyringa foreslo departementet å innføre ein yrkesfagleg rekvalifiseringsrett for dei som har studie- eller yrkeskompetanse frå før. Tilbodet skal givast innanfor reglane om vidaregående opplæring for vaksne.

Eit slikt forslag vart ikkje vurdert i opplæringslovutvalets NOU 2019: 23.

#### **40.3.3 Høyingsinstansanes syn**

I underkant av 30 høyingsinstansar har uttalt seg om forslaget om å innføre ein yrkesfagleg rekvali-

fiseringsrett for dei som har studie- eller yrkeskompetanse frå før. Alle som har uttalt seg, støttar forslaget heilt eller delvis, inkludert *Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse, Arbeids- og velferdsdirektoratet*, enkelte statsforvaltarar og fylkeskommunar, *LO, NHO, Norsk Lektorlag, Utdannings forbundet, Spekter og Byggenærings Landsforening*.

*Faglig råd for teknologi- og industrifag* meiner at retten til rekvalifisering ikkje bør vere avgrensa til éin ny yrkeskompetanse.

YS støttar forslaget, men er usikre på bruken av uttrykket «rekvalifisering». Organisasjonen viser til at omgrepene allereie blir brukt i delar av arbeidslivet, men då i ei anna betydning, nemleg om kompetanse som må oppdaterast innan *same fagområde* fordi ei godkjenningstid er gått ut, fordi det har gått for lang tid utan at kompetansen har vorte brukt, eller fordi krav og forskrifter har endra seg i stor grad.

Enkelte opplæringskontor meiner forslaget får konsekvensar i form av auka elevtal og større rekruttering til næringslivet, noko som kan føre til at vaksne blir prioriterte av næringslivet i spørsmål om lærepass, noko som opplæringskontora meiner bør greia ut.

#### 40.3.4 Departementets vurdering

Vidaregåande opplæring spelar ei sentral rolle i å leggje til rette for livslang læring. Eit arbeidsliv som stadig endrar seg, krev at arbeidstakarar er omstillingssyktige og kan lære heile livet. I tillegg til at arbeidslivet endrar seg, vil enkelte oppleve endringar i livssituasjonen, eller endring i eigen motivasjon eller interesse, som skaper eit behov for ny eller annan kompetanse. Det bør derfor vere eit mål at vidaregåande opplæring skal bidra til å dekkje behova for rekvalifisering og omstilling, slik at færrast mogleg hamnar utanfor arbeidsmarknaden. Departementet foreslår derfor, i tråd med høyringsforslaget og høyringsinnspela, å innføre ein rett til yrkesfagleg rekvalifisering. Forslaget er i tråd med Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, og inneber ein rett til fag- og yrkesopplæring for personar som har studie- eller yrkeskompetanse frå før.

Departementet foreslår å framleis bruke omgrepene «yrkesfagleg rekvalifisering». Omgrepene vart brukt i Meld. St. 21 (2020–2021) og i departementets høyring om ny opplæringslov og er i desse prosessane gjort godt kjent for sektoren, utan at det i særleg grad har komme motfø-

restillingar. Omgrepet er også beskrivande for kva retten inneheld.

Målgruppa for rett til yrkesfagleg rekvalifisering vil allereie ha mykje formell kompetanse, i tillegg til at mange vil ha realkompetanse. Departementet foreslår derfor å gå vidare med høyringsforslaget om at rekvalifiseringen skal gjennomførast innanfor reglane om vidaregåande opplæring for vaksne. Dette samsvarer med vurderingane i Meld. St. 21 (2020–2021) og vil gi kvar enkelt rett til realkompetansevurdering, med etterfølgjande tilpassing i opplæringa til det den enkelte treng for å oppnå den aktuelle sluttkompetansen, sjå nærmare om dette i punkt 43. Opplæring for vaksne passar også best til alderen på målgruppa.

At retten til yrkesfagleg rekvalifisering skal tilbydast som opplæring for vaksne, inneber at alle reglar som gjeld for vidaregåande opplæring for vaksne, inkludert inntaksreglar, vil gjelde, sjå nærmare i punkt 43. Dette inneber også at den enkelte kan søkje om å få opplæring for ungdom framfor opplæring for vaksne, men dei vil etter dagens inntaksreglar prioriterast bak dei som har rett til vidaregåande opplæring for ungdom.

Forslaget om ein yrkesfagleg rekvalifiseringsrett har visse avgrensingar. For det første foreslår departementet at retten berre skal gjelde for éin ny yrkeskompetanse. Sjølv om avgrensinga kan slå uehdig ut for enkeltpersonar som har behov for omstilling fleire gonger i løpet av yrkeslivet, vil avgrensinga gi kontroll på kostnader og oversikt over etterspurnaden. Vidare foreslår departementet at den enkelte må ha studie- eller yrkeskompetanse frå før for å ha rett til rekvalifisering, noko det ikkje har komme innvendingar til i høyringa.

Departementet vil følgje med på om innføringa av den yrkesfaglege rekvalifiseringsretten varetok målet om at færrast mogleg skal hamne utanfor arbeidsmarknaden. Det kan vere aktuelt å justere reglane på eit seinare tidspunkt om det skulle vise seg at måten den yrkesfaglege rekvalifiseringsretten er innretta på, får utilsikta konsekvensar eller ikkje gir nødvendig måloppnåing. Departementet vil også følgje med på korleis den foreslalte regelen påverkar kva grupper som blir prioriterte av næringslivet til lærepassar.

#### 40.3.5 Departementets forslag

Departementet foreslår å innføre ein yrkesfagleg rekvalifiseringsrett for dei som har studie- eller yrkeskompetanse frå før. Tilbodet skal givast innanfor reglane om vidaregåande opplæring for vaksne. Sjå forslaget til § 18-4.

## 40.4 Rett til omval

### 40.4.1 Dagens reglar

Elevar har rett til eitt omval i vidaregåande opplæring, jf. § 3-1 fjerde ledd. Det inneber at elevar som har vorte tekne inn og har starta i vidaregåande opplæring, har moglegheita til å ombestemme seg éin gong. Dei som nyttar denne retten, får ekstra tid til å fullføre opplæringa innanfor det nye valet dei har teke. Kor mykje ekstra tid det er snakk om, vil derfor variere ut frå når i opplæringsløpet eleven vel på nytt, og kva utdanningsprogram/programområde det gjeld. Ifølgje forarbeida, Prop. 79 (2016–2017), s. 30, gjeld retten til ekstra tid «så mange opplæringsår som dei treng for å gjennomføre den resterande delen av opplæringa slik det er fastsett i læreplanen for det aktuelle faget eller utdanningsprogrammet».

### 40.4.2 Høyningsforslaget

I høyringa foreslo departementet å styrke retten til omval ved å oppheva avgrensinga på eitt omval fram til søknadsfristen for inntak det året ungdommane fyller 19 år.

Høyningsforslaget til departementet skilde seg dermed frå forslaget til opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 24, om å vidareføre dagens reglar om omval.

### 40.4.3 Høyningsinstansane syn

I underkant av 40 høyningsinstansar har uttalt seg om forslaget om å styrke retten til omval ved å oppheve avgrensinga på eitt omval fram til søknadsfristen for inntak det året ungdommane fyller 19 år. Dei aller fleste støttar forslaget, inkludert *Barneombodet*, enkelte statsforvaltarar, fleire fylkeskommunar, *Elevorganisasjonen*, *KS*, *NHO* og *Virke*. *Barneombodet* meiner at moglegheita til fleire omval kan vere avgjerande for at fleire fullfører vidaregåande opplæring. *Nordland fylkeskommune* støttar forslaget og peikar på at det er viktig at denne gruppa ikkje blir avgrensa til berre eitt omval, då mange elevar ikkje er klare for å gjere utdanningsval i ein alder av 15 år.

*Møre og Romsdal fylkeskommune* meiner det er vanskeleg å vurdere korleis omfanget av omval kan påverke dimensjonering og kapasitet. Fylkeskommunen meiner vidare at forslaget kan få store økonomiske konsekvensar dersom mange nok vel å ta omval. *KS* peikar på at forslaget kan få konsekvensar for kapasiteten både hos oppfølgingstene-sta, rådgivinga og karriererettleiinga.

*Rogaland fylkeskommune* meiner ein bør vurdere i kva grad forslaget skal omfatte elevar som går mot planlagd grunnkompetanse, då den foreslatte regelen i praksis inneber at elevar som har individuell opplæringsplan i alle fag, kan gjere fleire omval til dei er 19 år.

*Faglig råd for elektro og datateknologi, Nelfo og EL og IT Forbundet* meiner regelen også må gjelde for lærlingar og ikkje berre for elevar.

*Statsforvaltaren i Innlandet* meiner at det må gjerast tydeleg at omval skjer i samband med inntak og ikkje i løpet av skoleåret.

*Vestfold og Telemark fylkeskommune* støttar forslaget delvis og skriv:

VTFK støtter forslaget om omvalg, men foreslår å endre teksten fordi et omvalg først er et omvalg når utdanningen er påbegynt og retten er brukt, ikke ved søknadsfrist. Slik lovformuleringen står nå, forvirrer den mer enn den informerer.

*Agder fylkeskommune* støttar forslaget, men meiner det må komme avklaringar i lov eller forskrift som regulerer at førstegongssøkjrarar frå grunnskolen, og dessutan ungdom som følgjer normal progresjon, blir prioriterte.

*Tradisjonshåndverk Opplæringskontor og Kompetansesenter (MIA) og Norsk Fag- og Friskolers Landsforbund* støttar forslaget, men ønskjer at også dei over 19 år kan få moglegheita til fleire omval.

*Viken fylkeskommune* støttar ikkje forslaget, då dei meiner det kan føre til at ungdommane mistar noko av motivasjonen til å ta nøyne vurderte val og gjennomføre vala. *Norsk Lektorlag* støttar heller ikkje forslaget og viser til at ein slik regel vil gi eit dårleg signal, då elevar heller bør lære å ta val der konsekvensane ikkje er fullt ut overskodelege. Foreininga viser vidare til at forslaget vil ha økonomiske konsekvensar, i tillegg til at ein slik regel kan vere forstyrrende for klassemiljøet.

### 40.4.4 Departementets vurdering

Departementet foreslår å styrke retten til omval, ved å oppheve avgrensinga på eitt omval fram til søknadsfristen for inntak det året ungdommane fyller 19 år.

Moglegheita til fleire omval kan for nokon vere avgjerande for at dei fullfører vidaregåande opplæring, noko også enkelte av høyningsinstansane peikar på. Forslaget må sjåast i samanheng med den utvida retten til vidaregåande opp-læring med oppheving av dagens tidsavgrensing, sjå omtale i punkt 40.2.

Dersom regelen om eitt omval blir halden ved lag, kan det oppstå utfordringar for dei ungdommene som har gjort eitt omval, men som ikkje ønskjer eller greier å fullføre denne opplæringa. Personen vil då ha retten til vidaregåande opplæring i behald, men berre rett til å fullføre innanfor det utdanningsprogrammet eller programområdet hen er teken inn på. Når personen blir 19 år og kan søkje seg til vidaregåande opplæring for vaksne, vil hen i realiteten få eit nytt omval ettersom retten til inntak til vidaregåande opplæring for vaksne ikkje er avgrensa til å fullføre det som tidlegare er påbyrja. Det kan dermed oppstå eit hol der ein ungdom må venta til hen er 19 år før ungdommen kan gjere eit nytt omval i samband med at det blir søkt inntak til opplæring for vaksne. Departementet meiner at dette potensielle hølet bør tettast ved at ungdommane får høve til så mange omvalg de ønskjer, fram til dei er 19 år.

Departementet meiner at det å opne for fleire omval samsvarer godt med den utvida retten til vidaregåande opplæring som departementet foreslår.

Enkelte høyTINGSinstansar meiner at ein mogleg negativ konsekvens av å utvide moglegheta til talet på omval, er at elevane får lågare motivasjon til å ta gjennomtenkte val når dei søker om inntak til vidaregåande opplæring. Departementet har ikkje grunn til å tru at dette vil bli eit stort problem, då det er meir truleg at dei fleste vil ønskje å starte på ei opplæring dei trur er den rette. Departementet vil peike på at ungdom mellom 16 og 19 år framleis er i startfasen av livet, og at det å prøve seg fram er ein naturleg del av prosessen med å bli voksen. I staden for å avgrense mogleheitene til dei som har gjennomført val dei angrar på, er det betre å gi ungdommen sjansen til å byte spor. Både for den enkelte og for samfunnet er det ein fordel at den enkelte er motivert til å fullføre vidaregåande opplæring, og at dei som går ut av vidaregåande opplæring, har ein kompetanse dei ønskjer å bruke vidare.

Forslaget inneber at dei som ikkje har gjort omval før inntak det kalenderåret dei fyller 19 år, vil behalde retten til *eitt* omval.

Dei som er i opplæring og ønskjer å gjere omval, må gjere dette i samband med inntak, og ein har ikkje rett til omval midt i skoleåret. Dette følgjer av systema og andre reglar i lova.

*Møre og Romsdal fylkeskommune* meiner det er vanskeleg å vurdere korleis omfanget av omval kan påverke dimensjonering og kapasitet. Departementet går ut frå at nokre personar vil gjere fleire omval, men har ikkje grunn til å tru at auken på omval blir veldig stor. Talet på omval vil uansett

avgrensast av at elevane ikkje vil ha rett til inntak undervegs i skoleåret.

Departementet er samd med dei høyTINGSinstansane som har uttalt at retten ikkje bør avgrensast til elevar, og foreslår at retten til omval gjeld for elevar og dei som er i gang med læretid i bedrift. Retten til omval vil også gjelde dei med planlagt løp mot lågare sluttkompetanse enn studie- eller yrkeskompetanse.

Enkelte høyTINGSinstansar ønskjer at også dei over 19 år kan få mogleheta til fleire omval. Konsekvensane av ei eventuell ytterlegare utviding er ikkje greidd ut. Departementet meiner uansett at skiljet på 19 år er tenleg, jf. vurderinga over om at den foreslalte utvidinga mellom anna er meint å tette hølet som kan oppstå for dei som må vente på vaksenretten for å kunne gjere nødvendig omval.

Til innspela om at førstegongssøkjarar frå grunnskolen og ungdom som følgjer normal pøgresjon, må prioriterast ved inntak, gjer departementet merksam på at dei nærmere reglane om inntak framleis skal vere regulerte i forskrift til opplæringslova, og departementet går ikkje inn på desse reglane her.

#### 40.4.5 Departementets forslag

Departementet foreslår å lovfeste ein uavgrensa rett til omval fram til søknadsfristen for inntak det året ungdommane fyller 19 år. Dei som ikkje har gjort omval før dette, har rett til eitt omval. Sjå forslaget til § 5-5.

### 40.5 Rett til påbygging til generell studiekompetanse

#### 40.5.1 Dagens reglar

Etter § 3-1 ellevte ledd har dei som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring, rett til eitt år påbygging til generell studiekompetanse dersom dei søker om det. Retten gjeld både dei som har teke fag- og yrkesopplæringa som ein del av ungdomsretten, og andre som har fullført og bestått innan utgangen av det året dei fyller 24 år. Retten kan takast ut når som helst innan utgangen av det året dei fyller 24 år, eventuelt bli teken ut etter dei tilsvarande reglane for vidaregåande opplæring for vaksne, jf. § 4A-3 sjuande ledd.

#### 40.5.2 HøyTINGSforslaget

I høyringa foreslo departementet å styrke retten til påbygging til generell studiekompetanse for dei

som har bestått fag- og yrkesopplæringa, ved å oppheve tidsavgrensinga på eitt år.

Høyringsforslaget frå departementet skilde seg dermed frå forslaget til opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 24, om å vidareføre dagens reglar om påbygging til generell studiekompetanse.

#### **40.5.3 Høyringsinstansanes syn**

Omrunt 20 høyringsinstansar har uttalt seg om høyringsforslaget om å styrke retten til påbygging til generell studiekompetanse for dei som har bestått fag- og yrkesopplæringa, ved å oppheve tidsavgrensinga på eitt år. Alle som har uttalt seg, støttar forslaget heilt eller delvis, mellom anna fleire fylkeskommunar, *Elevorganisasjonen, NHO, YS, Norsk Lektorlag og Akademikerne*.

*Oslo kommune* seier i høyringsinnspelet sitt at dei legg til grunn at påbyggingsretten omfattar dei som har bestått fag- og yrkesopplæring i 2014 og seinare, og ikkje har tilbakeverkande kraft, sjølv om «2014 eller seinare» er teke ut av lovfor slaget.

#### **40.5.4 Departementets vurdering**

Departementet foreslår å vidareføre retten til påbygging til generell studiekompetanse for dei som har bestått fag- og yrkesopplæring, og å styrke retten ved å oppheve dagens tidsavgrensing på eitt år.

Forslaget om å oppheve dagens tidsavgrensing på eitt år for påbygging til generell studiekompetanse må sjåast i samanheng med forslaget om å oppheve dagens tidsavgrensing for retten til vidaregåande opplæring generelt, sjå vurderingane i punkt 40.2. Departementet meiner at det å avgrense retten til påbygging til eitt års opplæring vil verke lite konsekvent sett i samanheng med resten av utvidingane av retten til vidaregåande opplæring.

Departementet foreslår at personar mellom 19 og 24 år kan velje om dei vil ha påbygging for ungdom eller vaksne, medan dei over 24 år vil ha rett til påbygging for vaksne. Dette er også i tråd med korleis retten til vidaregåande opplæring generelt er foreslått innretta.

Til innspelet frå Oslo kommune om tilbakeverkande kraft, peiker departementet på at dei som bestod fag- og yrkesopplæringa før 2014, no er for gamle til å ha rett til påbygging for ungdom, og at det derfor ikkje er relevant å lovfeste ei 2014-avgrensing. Reglane om rett til påbygging innanfor vidaregåande opplæring for vaksne blir omtalte i punkt 43.7.

Departementet viser elles til Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, der det vart varsla at innhald i og omfang av påbygging til generell studiekompetanse vil formast ut på nytt etter at fag- og timefordelinga er greidd ut, og i lys av eventuelle nye krav til generell studiekompetanse.

#### **40.5.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår å lovfeste ein tidsuavgrensa rett til påbygging til generell studiekompetanse for dei som har bestått fag- og yrkesopplæringa. Sjå forslaget til § 5-7.

### **40.6 Inntaksreglar i vidaregåande opplæring**

#### **40.6.1 Dagens reglar**

Søkjjarane til vidaregåande opplæring har rett til inntak til eitt av tre alternative utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 (vg1) som dei har søkt på. Deretter har dei rett til to års vidaregåande opplæring (vg2 og Vg3) innanfor same utdanningsprogram. Dette følgjer av opplæringslova § 3-1 sjette ledd. Opplæringslova inneheld ikkje reglar om kva skole søkerar til vidaregåande opplæring skal få plass på. Dette vil seie at elevane i vidaregåande opplæring ikkje har lovfesta rett til å gå på ein bestemt skole. Nærare reglar om inntak går fram av forskrift til opplæringslova kapittel 6, jf. § 3-1 sjuande ledd i lova som gir departementet heimel til å gi forskrift om inntak til vidaregåande skole. Ifølgje forskrift til opplæringslova § 6-2 skal fylkeskommunen fastsette lokal forskrift om inntak. Den lokale forskrifta skal innehalde reglar om korleis inntaket vil bli gjennomført, mellom anna om inntaksområde.

Opplæringslova § 3-1 sjette ledd seier at søkerar som etter opplæringslova har rett til spesialundervisning, og som på grunnlag av ei sakkunnig vurdering har særleg behov for eit særskilt utdanningsprogram på vg1, har rett til inntak til dette utdanningsprogrammet etter forskrift fastsett av departementet. Slike reglar er fastsette i forskrift til opplæringslova § 6-15.

Ungdom som har fylt 15 år, søker sjølv om inntak til vidaregåande opplæring. Dette følgjer både av opplæringslova § 3-1 første ledd og av barnelova § 32.

#### **40.6.2 Høyringsforslaget**

I høyringa foreslo departementet

- å vidareføre hovudregelen om inntak til eitt av tre søkte utdanningsprogram
- å ikkje vidareføre lovregelen om at søkerar med rett til spesialundervisning kan ha rett til inntak på eit særskilt utdanningsprogram, men at innhaldet i lovregelen likevel blir vidareført i forskrift
- å vidareføre innhaldet i lovregelen i opplæringslova om at ungdom over 15 år sjølve søker om inntak til vidaregåande opplæring, men å ta inn dette som ein del av ein meir generell utforma paragraf som presiserer at retten til sjølvråderett for dei over 15 år også gjeld enkelte andre spørsmål knytt til grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring, for både ungdom og vaksne
- å vidareføre dagens reglar om at departementet kan gi forskrift om inntak til vidaregåande opplæring

Høyringsforslaget om å ha reglar i opplæringslova om sjølvråderett for dei over 15 år skilde seg frå forslaget til opplæringslovutvalet om å ikkje ha slike reglar, sjå omtale i punkt 21. Dei andre høyringsforsлага frå departementet i opplistinga over følgde i hovudsak opp opplæringslovutvalets NOU 2019: 23, kapittel 24.

### 40.6.3 Høyringsinstansanes syn

#### 40.6.3.1 Hovudregelen om inntak

Få høyringsinstansar har uttalt seg eksplisitt om forslaget om å vidareføre hovudregelen om inntak til eitt av tre søkte utdanningsprogram. *Barneombodet, Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark* og LO støttar forslaget.

*Oslo kommune* meiner at det må klargjerast at retten til vg2 og vg3 føreset at søkeren fyller vilkåra for inntak til høvesvis vg2 og vg3.

NHO støttar forslaget delvis og skriv:

Dette forutsetter derimot at fylkeskommunene måles på andelen som får lære plass, at fylkeskommunene utvikler behovskart, at ungdommen får kvalifisert karriereveiledning før de søker seg til videregående opplæring, at utdanningstilbuet dimensjoneres etter arbeidslivets behov for kompetanse, innspill fra partene og at yrkesopplæringsnemnda har vedtakskompetanse. Dette henger sammen og er forutsetninger som må ligge til grunn for en videreføring av retten til eitt av tre søkte utdanningsprogrammer.

*Byggensæringens Landsforening* og *Entreprenørforeningen – Bygg og Anlegg* har tilsvarande innspel som NHO.

Få høyringsinstansar har gitt innspel til forslaget om å vidareføre dagens reglar om at departementet kan gi nærmere forskrifter om inntaket til vidaregåande opplæring. Enkelte høyringsinstansar har likevel spelt inn at dei ønsker å lufeste ein rett for fylkeskommunane til sjølve å bestemme inntaksordning.

#### 40.6.3.2 Rett til inntak til særskilt utdanningsprogram

Svært få høyringsinstansar har kommentert departementets forslag om å ikkje vidareføre lovfestinga av at søkerar som har rett til spesialundervisning, og som på grunnlag av ei sakkunnig vurdering har særleg behov for eit særskilt utdanningsprogram på vg1, har rett til inntak til dette utdanningsprogrammet. Ingen synest å ha direkte motførstillingar til at dagens lovreglar ikkje blir vidareførte.

*Barneombodet* og *Trøndelag fylkeskommune* støttar forslaget.

*Norsk Forbund for Utviklingshemmede* har ikkje uttalt direkte om forbundet støttar forslaget, men uttaler følgjande:

Departementet foreslår videre å ikke vidareføre rett til inntak til særskilte utdanningsprogram i loven, men at regelen videreføres i forskrift. I tilfeller hvor valg av utdanningsprogram kan være avgjørende for om eleven fullfører videregående opplæring eller ikke, kan det være viktig med en rett til inntak på et bestemt utdanningsprogram. Vi vil likevel bemerke at denne bestemmelsen misbrukes eller misforstås i dag. Flere av våre medlemer som har søkt inntak til videregående opplæring etter denne bestemmelsen opplever at de likevel ikke får opplæring knyttet til dette studieprogrammet, men at de automatisk, og mot sin vilje, blir plassert i «spesialgruppe» for særskilt opplæring/alternativ opplæring/tilrettelagt opplæring eller lignende. Det bør klargjøres hvordan bestemmelsen om rett til inntak på særskilt utdanningsprogram er ment å praktiseres.

#### 40.6.3.3 Ungdom over 15 år skal sjølve søkje om inntak

Dei aller fleste av dei om lag ti høyringsinstansane som har uttalt seg, støttar heilt eller delvis forslag-

get om å i hovudsak vidareføre innhaldet i dagens lovregel om at ungdom over 15 år sjølve søker om inntak til vidaregående opplæring, men å ta inn dette som ein del av ein meir generelt utforma paragraf som presiserer at retten til sjølvråderett for dei over 15 år også gjeld andre spørsmål knytte til opplæringa i grunnskoleopplæringa og den vidaregående opplæringa. Departementet viser til at det blir gjort nærmere greie for høyringssinpela i punkt 21 om medverknaden til elevere og sjølvråderetten til elevane.

#### 40.6.4 Departementets vurdering

##### 40.6.4.1 Hovudregelen om inntak

Departementet foreslår, i tråd med høyingsforslaget, å vidareføre innhaldet i hovudregelen om inntak i dagens § 3-1 sjette ledd om at «[s]økjrar har rett til inntak til eitt av tre alternative utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 som dei har søkt på, og til to års vidaregående opplæring innanfor utdanningsprogrammet».

Når det gjeld innspela fra *NHO, Byggmærin-gens Landsforening* og *Entreprenørforeningen-Bygg og anlegg* som inneber visse føresetnader for å støtte forslaget, kommenterer departementet at dette er føresetnader som ikkje har direkte betydning for reglane om inntak. Departementet vurderer derfor ikkje innspela her.

Når det gjeld innspelet frå *Oslo kommune* om at det bør klargjerast at retten til vidaregåande trinn 2 og 3 (vg2 og vg3) føreset at søkeren oppfyller vilkåra for inntak til høvesvis vg2 og vg3, vil departementet påpeike at dette er tydeleggjort i lovforslaget og nærmere beskrive i merknadene.

Departementet foreslår å vidareføre dagens lovreglar om at departementet kan gi forskrift om inntak til vidaregående opplæring. Forskriftsheimelen er vid og gir departementet hove til å gi reglar om mellom anna førerett og krav til søkerar. I opplæringslovutvalets NOU 2019: 23 vart det sett spørjeteikn ved om heimelen i lova også gir departementet hove til å gi forskriftsreglar som kan binde fylkeskommunane til visse inntaksordningar, til dømes om inntaket til vidaregåande opplæring skal gjennomførast ved fritt skoleval i heile fylket, innanfor fastsette inntaksområde eller inntak etter nærskoleprinsippet. Trass i at dagens ordlyd er vid og inneber at departementet kan gi forskriftsreglar om inntak, meinte utvalet at utsegner i forarbeida i lova, Ot.prp. nr. 46 (1997–98), kapittel 9.4, peikar i retning av at den nasjonale heimelen til å påleggje fylkeskommunane bestemte inntaksordningar ikkje er uavgrensa. Sjå

nærare om vurderinga frå utvalet i NOU 2019: 23 kapittel 24.4.7. Departementet meiner dagens forskriftsheimel er så vid at han også gir departementet hove til å gi overordna reglar om kva inntaksordning fylkeskommunane kan bruke. Uavhengig av den eventuelle tvilen som knyter seg til dagens reglar, legg departementet til grunn at den foreslalte forskriftsheimelen gir hove for departementet til å gi slike reglar. Ei eventuell avgrensing må i så fall komme fram av lova. Ei slik avgrensing av omfanget til forskriftsskriftsheimelen var ikkje ein del av høyingsforslaget, og departementet vil ikkje foresla å innføre ei slik avgrensing no. Det er i dag ikkje forskriftsreglar som bind fylkeskommunane til visse inntaksordningar. Det er derfor opp til fylkeskommunane å avgjere om inntaket til vidaregående opplæring skal gjennomførast ved fritt skoleval i heile fylket, innanfor fastsette inntaksområde eller ved inntak etter nærskoleprinsippet.

##### 40.6.4.2 Rett til inntak til særskilt utdanningsprogram

Departementet foreslår, i tråd med høyingsforslaget, å ikkje vidareføre lovfestinga av at søkerar som har rett til spesialundervisning, og som på grunnlag av ei sakkunnig vurdering har særleg behov for eit særskilt utdanningsprogram på vg1, har rett til inntak til dette utdanningsprogrammet. Dagens lovregel har lita praktisk betydning. Den lovfesta retten til inntak til eit særskilt utdanningsprogram er nærmere regulert i forskriftsreglane om fortrinn ved inntak til vidaregående opplæring. Forskriftsreglane om fortrinn for denne gruppa vil uansett kunne førast vidare, sidan departementet etter forslaget vil ha heimel til å gi forskrifter om inntak til vidaregående opplæring. Departementet meiner at intensjonen med dagens lovfesta rett til eit særskilt utdanningsprogram kan varetakast ved forskriftsreglar om fortrinn ved inntaket for denne gruppa søkerar. Dette vil sørge for at alle detaljerte reglar om inntaket blir samla i forskrift, noko som er i tråd med prinsippa for regelstyringa.

##### 40.6.4.3 Ungdom over 15 år skal søkje sjølve

Departementet foreslår å vidareføre innhaldet i lovregelen i opplæringslova om at ungdom over 15 år sjølve søker om inntak til vidaregående opplæring, men å ta inn dette som ein del av ein meir generelt utforma paragraf som presiserer at retten til sjølvråderett for dei over 15 år også gjeld andre spørsmål knytte til opplæringa i grunnskoleopplæ-

ringa og den vidaregåande opplæringa. Sjå omtalen og vurderinga til departementet av dette i punkt 21 om medverknaden til elevane og sjølvråderetten til elevane.

#### 40.6.5 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å vidareføre hovudregelen om inntak til eitt av tre søkte utdanningsprogram, sjå forslaget til § 5-1 sjette ledd
- å ikkje vidareføre lovregelen om at søkerar med rett til spesialundervisning kan ha rett til inntak på eit særskilt utdanningsprogram, men at intensjonen med dagens lovreglar blir vidareført i forskriftsreglar om førerett
- å vidareføre dagens reglar om at departementet kan gi forskrift om inntak til vidaregåande opplæring, sjå forslaget til § 5-1 sjuande ledd

### 40.7 Gratisprinsippet i vidaregåande opplæring

#### 40.7.1 Dagens reglar

Opplæringslova § 3-1 niande ledd seier at opplæringa i offentleg vidaregåande skole eller i lærebedrift skal vere gratis. Det kjem likevel fram av resten av leddet at ikkje alt knytt til opplæringssituasjonen er gratis: Fylkeskommunane har ansvaret for å halde elevane med nødvendige trykte og digitale lærermiddel og digitalt utstyr. Elevane kan ikkje påleggjast å dekkje slike utgifter med mindre det følgjer av forskrift.

Fylkeskommunane kan påleggje både elevar og dei som får opplæring i lærebedrift, å halde seg med anna individuelt utstyr som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha. Mat, drikke, nødvendige klede og anna individuelt utstyr som ikkje er undervisningsmateriell, kan derfor krevjast dekte ved eigenbetaling. Departementet har i ei tolkingsfråsegn (brev frå departementet datert 20. mai 2014) lagt til grunn at til dømes vanlege arbeidsklede kan krevjast dekte gjennom eigenbetaling, men ikkje meir kostbart verneutstyr. Det må gjerast ei konkret vurdering av om noko kan reknast som anna individuelt utstyr, og det avheng mellom anna av den samla kostnaden på utstyret.

Eleven kan likevel berre bli pålagd å halde seg med individuelt utstyr som vanlegvis er nødvendig for opplæringa. Utstyr som er knytt til det særlege behovet til eleven, skal vere gratis. Det kan til dømes gjelde ekstrauststyr som eleven har rett til etter reglane om spesialundervisning.

Lånekassen gir eit utstyrsstipend til alle elevar i vidaregåande opplæring dersom dei har rett til opplæring etter § 3-1. Reglar om stipend og lån kjem fram av utdanningsstøttelova. Stipendet er meint å bidra til å dekkje skolemateriell, til dømes leige av PC, kjøp av bøker eller klede som er nødvendige i opplæringa. Stipendet er ikkje behovsprøvd ut frå inntekta eller formuen til eleven eller foreldra, men blir gitt etter tre satsar avhengige av kva utdanningsprogram eleven går på.

Ettersom den vidaregåande opplæringa skal vere gratis, kan heller ikkje deltaking på aktivitar og skoleturar som blir gjennomførte som ein del av opplæringa, føresette eigenbetaling.

#### 40.7.2 Høyningsforslaget

I høyringa foreslo departementet å vidareføre gratisprinsippet i vidaregåande opplæring, med dei unntaka som gjeld i dag. Forslaget innebar enkelte språklege justeringar frå dagens reglar.

Departementet følgde med dette høyningsforslaget opp opplæringslovutvalets NOU 2019: 23, kapittel 24.

#### 40.7.3 Høyningsinstansane syn

I underkant av 30 høyningsinstansar har uttalt seg om forslaget om å vidareføre gratisprinsippet i vidaregåande opplæring. Omtrent halvparten av høyningsinstansane støttar forslaget, medan dei resterande meiner at reglane i den nye lova i større grad bør sikre at opplæringa blir gratis.

*Skolenes landsforbund* meiner reglane i forslaget til § 5-8 andre punktum om at fylkeskommunen likevel kan krevje at elevar og dei som har læretid i bedrift, dekkjer utgifter til individuelt utstyr som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha, holar ut reglane i første punktum om at den vidaregåande opplæringa skal vere gratis. *Barneombodet* påpeikar at dei ønskjer eit meir reelt gratisprinsipp. Organisasjonen *Voksne for barn og Elevorganisasjonen* har også liknande innspel, og sistnemnde peikar på at velferdsstaten er bygd på prinsippet om lik tilgang på utdanning, noko som blir utfordra når stipendordningane ikkje strekk til, eller lovverket ikkje skjermar elevar frå store personlege kostnader i opplæringa. Organisasjonen meiner derfor at kostnadene med å sikre gratis opplæring i vidaregåande opplæring ikkje må hindre nødvendige justeringar i reglane. *EL og IT Forbundet* reagerer på at innhaldet i regelen inkluderer unntak frå at opplæringa skal vere gratis, når overskrifta til paragrafen lyder «Gratis vidaregåande opplæring».

Enkelte høringsinstansar har innspel til formuleringa «til vanleg gjer det nødvendig å ha». *Faglig råd for elektro og datateknologi* meiner det må konkretiserast kva dette betyr. *Nelfo* meiner også det er uklart kva dette inneber, og er redd for store variasjonar. *Rogaland fylkeskommune* har også liknande innspel og meiner at det anten i lovteksten eller i merknadene må formulerast tydelegare retningslinjer for kva som er rammene til gratisprinsippet.

Enkelte høringsinstansar har innspel til siste punktum i forslaget til § 5-8 om at «Departementet kan gi forskrift om at elevar skal halde seg med lærermiddel og digitalt utstyr». *Fredrikstad kommune* er ikkje samd med beskrivinga i høringsnotatet om at dette ikkje inneber ei realitetsendring frå dagens reglar, og meiner det i større grad enn i dag vil opne for at elevane sjølv må sørge for å ha digitalt utstyr for å kunne delta i opplæringa på ein likeverdig måte. *Skoleleiarforbundet* meiner ordlyden er noko uklar og kan vere i strid med prinsippet om at opplæring skal vere gratis.

*Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG)* meiner at lærermiddel og utstyr må vere gratis for at alle elevar skal kunne få lik rett til vidaregåande opplæring. Foreininga meiner at dagens ordning med utstyrssstipend ikkje er ei god nok løysing, då stipendet ikkje dekkjer dei reelle utgiftene. *FUG* meiner at dersom retten til vidaregåande skal vere reell, må gratisprinsippet i vidaregåande opplæring gjelde tilsvarande som i grunnskolen.

*Helse Fonna* meiner at dei som tek vidaregåande opplæring fram mot fagbrev som ambulansearbeidar, bør få dekt kostnadene for dei førarkortklassane som er nødvendige for å vere ferdig ambulancesjåfør, noko som ikkje er tilfellet i dag. Dei meiner også at det er ei forskjellsbehandling samanlikna med yrkessjåførutdanninga, der ein får delar av førarkort klassa B som del av opplæringa.

#### 40.7.4 Departementets vurdering

Departementet foreslår, i tråd med høringsforslaget, å vidareføre dagens reglar om gratisprinsippet i vidaregåande opplæring, inkludert dei unntaka som gjeld i dag. Det er viktig å sikre at alle har høve til å gjennomføre og bestå vidaregåande opplæring, noko dagens gratisprinsipp, kombinert med stipendordningane, bidreg til.

Opplæringslovutvalet viste i NOU 2019: 23 til at det er gjennomført fleire kartleggingar av utgifter til utstyr i vidaregåande skole, den siste i 2019. Kartleggingane har vist at det er store variasjonar

mellom utdanningsprogramma, programområde som tilhører same utdanningsprogram, og også mellom skolar. Sjølv om utstyrssstipendet har auka dei siste åra, er det for mange elevar ikkje samsvar mellom satsane og utgiftene dei blir bedne om å dekkje sjølv.

Fleire høringsinstansar har på ulike måtar spelt inn at dei ønsker eit meir reelt gratisprinsipp og reglar som i større grad inneber at opplæringa faktisk blir gratis. Innføring av eit meir absolutt gratisprinsipp i vidaregåande opplæring vil likevel krevje ytterlegare utgreiing, ikkje minst av dei økonomiske konsekvensane. Dette er ikkje greidd ut, og departementet foreslår ikkje endringar i reglane.

Kartlegginga frå 2019 viser at det også kan vere meir subjektive vurderingar bak kva utstyr ulike skoler, lærarar og elevar vurderer som godt nok for å følgje opplæringa. Frå skolane og lærarane si side kan dette mellom anna komme av manglande kjennskap til regelverket. Som beskrive under dagens reglar har departementet tidlegare uttalt at det må vurderast konkret kva for eit individuelt utstyr det kan krevjast at elevane betaler for, og at dette mellom anna må vurderast opp mot dei samla kostnadene. Opplæringslovutvalet har i sine vurderingar påpeika at unntaket frå gratisprinsippet ikkje opnar for at fylkeskommunane kan krevje at eleven betaler for relativt kostnadskrevjande utstyr. Departementet er einig i at regelen er slik å forstå.

#### 40.7.5 Departementets forslag

Departementet foreslår å vidareføre gratisprinsippet i vidaregåande opplæring, med dei unntaka som gjeld i dag. Sjå forslaget til § 5-8.

### 40.8 Om fylkeskommunen skal tilby anna opplæring ved behov

#### 40.8.1 Dagens reglar

Fylkeskommunane skal tilby anna opplæring der som ein elev, ein lærling, ein praksisbrevkandidat eller ein lærekandidat har særlege vanskar med å følgje den opplæringa som er vald. Dette kjem fram av § 3-1 sjuande ledd. Det er ikkje nærrare presisert i lov eller forskrift kva plikta til fylkeskommunane inneber, men det er klart at paragrafen ikkje opnar for å gi anna opplæring enn det som følgjer av den fastsette tilbodsstrukturen for vidaregåande opplæring og læreplanane i fag. Dette kjem av at opplæring som avvik frå læreplanmåla, vil krevje enkeltvedtak om spesialundervisning etter reglane i opplæringslova kapittel 5.

#### 40.8.2 Høyringsforslaget

I høyringa foreslo departementet å ikkje vidareføre plikta fylkeskommunane har til å tilby anna opplæring ved behov.

Departementet følgde med dette høyringsforslaget opp opplæringslovutvalets NOU 2019: 23, kapittel 24.

#### 40.8.3 Høyringsinstansanes syn

Svært få høyringsinstansar har uttalt seg om forslaget. *Barneombodet* støttar forslaget. *NHO* støttar ikkje forslaget og meiner det heller bør preserast kva denne plikta inneber.

#### 40.8.4 Departementets vurdering

Opplæringslovutvalet gav i NOU 2019: 23 uttrykk for at det er uklart kva plikta til å tilby anna opplæring ved behov inneber i praksis. Utvalet skreiv mellom anna at forarbeida kan forståast som at fylkeskommunane må tilby eit anna utdanningsprogram, programområde eller anna form for opplæring, medan paragrafen ikkje opnar for å fråvike læreplanane utan enkeltvedtak om spesialundervisning. I tillegg har fylkeskommunane heller ikkje plikt til å skaffe læreplass.

Utvalet såg ikkje bort frå at plikta gjer at nokre fylkeskommunar strekkjer seg langt for å gi eleven eit tilstrekkeleg tilpassa opplæringstilbod, men såg likevel ikkje grunn til å vidareføre lovregelen. I grunngivinga si viste utvalet mellom anna til at det gir dårleg samanheng i regelverket når førerett til eit særskilt utdanningsprogram er detaljregulert med mellom anna krav til sakkunig vurdering, samtidig som fylkeskommunane har plikt til å tilby anna opplæring etter noko uklare kriterium.

Departementet foreslår å ikkje vidareføre regelen. Det har lite for seg å vidareføre ein regel med eit uklart innhald. I høyringa bad departementet dei høyringsinstansane som meiner at denne plikta har hatt ei reell betydning for ungdom ut over rettar som blir varetakne på annan måte, om å gjere greie for dette i høyringssvaret sitt. Berre nokre få høyringsinstansar har kommentert departementets forslag, og ingen har gjort greie for det konkrete spørsmål frå departementet.

#### 40.8.5 Departementets forslag

Departementet foreslår å ikkje vidareføre plikta fylkeskommunane har til å tilby anna opplæring ved behov.

### 40.9 Kva fylkeskommunen skal legge vekt på i planlegginga av det vidaregåande opplæringstilbodet (dimensjonering)

#### 40.9.1 Dagens reglar

Fylkeskommunane har ansvaret for å planlegge og byggje ut det vidaregåande opplæringstilbodet. Dei skal mellom anna ta omsyn til nasjonale mål, ønska til sokjarane og behovet i samfunnet for vidaregående opplæring i alle utdanningsretningar og for ulike aldersgrupper, jf. § 13-3 femte ledd. Dette blir ofte omtalt som ansvaret fylkeskommunane har for dimensjonering. Paragrafen gir opp fleire omsyn som er relevante for dimensjoningsarbeidet, men gir ikkje ei uttømmande opplisting. I praksis har fylkeskommunane stort handlingsrom til å velje kva utdanningsprogram dei vil tilby, og kor mange elevplassar det skal vere på kvart enkelt tilbod.

Ansvaret etter § 13-3 femte ledd må sjåast i samanheng med første ledd i paragrafen som seier at fylkeskommunane skal oppfylle retten til vidaregående opplæring for alle som er busette i fylket. Dette inneber at handlingsrommet frå fylkeskommunane blir avgrensa av § 3-1, som omhandlar rett til vidaregående opplæring for ungdom, og § 4A-3 om rett til vidaregåande opplæring for vaksne og reglane i forskrift til opplæringslova om inntak til vidaregående opplæring. Også retten til påbygging for dei som tidlegare har fullført fag- og yrkesopplæringa, jf. § 3-1 elleve ledd, inneber ei plikt for fylkeskommunane til å gi tilbod til alle kvalifiserte sokjarar.

Fylkeskommunane må sorgje for at elevar som oppfyller vilkåra for førerett til eit særskilt utdanningsprogram, får oppfylt retten sin, jf. opplæringslova § 13-3 første ledd og forskrift til opplæringslova § 6-15. I ei tolkingsfråsegn frå Utdanningsdirektoratet (2013/6772) er det lagt til grunn at ein fylkeskommune unntaksvise kan vere forplikta til å gjere avtale om kjøp av elevplass, der som det skulle vere nødvendig for å oppfylle føretten til ein elev.

Også andre lovreglar har noko å seie for fylkeskommunens dimensjoningsarbeid:

- § 3-3 femte ledd: Fylkeskommunane må gi opplæring til dei som ikkje har vorte formidla til opplæring i bedrift
- § 13-3 femte ledd andre punktum: Fylkeskommunane skal gi tilbod om praksisbrev
- § 13-3 fjerde ledd andre punktum: Departementet kan påleggje fylkeskommunane å gi tilbod til søkerar frå andre fylke

Reglane i dei to første opplistingspunkta over er elles omtalte og vurderte i punkt 42, medan det siste er omtalt i dette punktet, punkt 40.

Ansvaret til fylkeskommunane for dimensjonering må også sjåast i samanheng med rolla og oppgåvene til yrkesopplæringsnemndene, jf. §§ 12-3 og 12-4. Yrkesopplæringsnemnda er eit rådgivande organ for fylkeskommunen og skal mellom anna arbeide for best mogleg dimensjonering av den vidaregåande opplæringa. Yrkesopplæringsnemnda er omtalt i punkt 42.

#### 40.9.2 Høyningsforslaget

I høyringa foreslo departementet

- å lovfeste at behovet i samfunnet for kompetanse skal få stor vekt ved dimensjoneringa av det vidaregåande opplæringstilboden
- å vidareføre lovreglar om at departementet kan krevje at fylkeskommunen skal ha eit vidaregåande opplæringstilbod til søkerar frå heile landet.

Departementet følgde med dette høyningsforslaget delvis opp opplæringslovutvalets NOU 2019: 23, kapittel 24. Opplæringslovutvalet foreslo å lovfeste at fylkeskommunane i dimensjoneringa av tilboden også skal legge stor vekt på kor mange lærelassar som finst.

#### 40.9.3 Høyningsinstansane syn

I underkant av 30 høyningsinstansar har uttalt seg om forslaget om å lovfeste at behovet i samfunnet for kompetanse skal få stor vekt ved dimensjoneringa av det vidaregåande opplæringstilboden. Eit klart fleirtal av høyningsinstansane støttar forslaget heilt eller delvis.

*NHO* støttar forslaget og meiner at førstevalet til elevane i dag blir tillagt for stor vekt ved dimensjoneringa av utdanningstilboden, og at behovet i arbeidslivet for kompetanse og moglegheiter for lærelassar må få større vekt. *NHO* peikar på at eit tiltak for å nå dette målet kan vere at fylkeskommunane utarbeider behovskart i kvart fylke/region. *LO* har liknande innspel og meiner at dagens vekt-

legging av valet til elevane bidreg til at ein ikkje får løyst utfordringa med å tilby nok lærelassar og dekkje behovet i arbeidslivet for kompetanse.

*Maskinentreprenørenes forbund* støttar forslaget og skriv at fylkeskommunen i dag legg for mykje vekt på å tilby rimelege utdanningar som ikkje treffer behovet i samfunnet godt nok.

*Nelfo* støttar forslaget, men skriv samtidig at det innanfor fag- og yrkesopplæringa vil vere vaniskeleg for fylkeskommunane aleine å dimensjonere med vekt på kva samfunnet treng, dersom ikkje partane i arbeidslivet er tett på.

*Spekter* ønskjer at ordlyden blir endra slik at det eksplisitt kjem fram at behovet i arbeidslivet skal vektleggjast, og foreslår følgjande ordlyd: «Fylkeskommunen skal i planlegginga og utbygginga av det vidaregåande opplæringstilboden legge stor vekt på kva kompetanse samfunnet – og arbeidslivet – treng.»

*Byggmesterforbundet* støttar forslaget delvis, men ønskjer at også omsynet til lærelassar blir presisert i lova, i tråd med forslaget til opplæringslovutvalet. Også *Møre og Romsdal fylkeskommune* ønskjer at omsynet til lærelassar blir teke inn i lova. Fylkeskommunen meiner vidare at omgrepene «samfunnet» i lovforslaget er noko breitt, og at det er det lokale/regionale kompetansebehovet som er mest naturleg å ta omsyn til, noko som bør presiserast.

*Arbeids- og velferdsdirektoratet* støttar høyningsforslaget og skriv:

Videre foreslår departementet, i motsetning til opplæringslovutvalget, å ikke presisere i loven at det skal tas hensyn til hvor mange lærelassar som finnes. Arbeids- og velferdsdirektoratet støtter dette forslaget, da vi erfarer at det ikke nødvendigvis er sammenheng mellom samfunnets behov for arbeidskraft og tilgangen på lærelassar, og at det er flere av NAVs brukere med rett til vidaregående opplæring som ikke får tilbud om lærelass i yrkesretninger som det er behov for i arbeidsmarkedet. Vi mener at det, uavhengig av lovforslaget, er viktig å arbeide med å øke tilgangen på lærelassar i bransjer som har arbeidskraftsbehov.

*Viken fylkeskommune* støttar også departementet i at omsynet til lærelassar ikkje treng å lovfestast, men meiner at ønska til elevane og nasjonale behov også bør lovfestast.

*Utdanningsforbundet* er samde i at behovet i samfunnet for kompetanse og tilgangen til lærelassar bør vere sentrale ved dimensjoneringa, men meiner at dette ikkje bør gå ut over ønska til søkerane og nasjonale mål. Forbundet meiner

derfor at dagens reglar, som listar opp fleire omsyn, bør førast vidare. *Organisasjonen Voksne for barn* støttar heller ikkje forslaget. Foreningen er usikker på korleis behovet i samfunnet vil definierast, og kven som skal definere dette. Vidare er foreininga bekymra for at elevane ikkje skal få oppfylt vala sine, og viser til at det er stor samanheng mellom å komme inn på ønskt utdanningsprogram og fullföring av vidaregåande opplæring. Foreininga foreslår derfor å i hovudsak vidareføre dagens reglar. *Faglig råd for elektro og datateknologi* støttar i utgangspunktet forslaget, men meiner samtidig det kan verke uklart kva som ligg i omgrepene «behovet i samfunnet».

*Vestfold og Telemark fylkeskommune* meiner at vektlegging av ønska til elevane også bør presise rast i paragrafen, alternativt at det blir lagt inn ei tilvising til formålsparagrafen som vektlegg utdanningsperspektivet.

*SRY* tek ikkje direkte stilling til om dei støttar forslaget eller ikkje, men peikar mellom anna på at Noreg skal gå gjennom omfattande overgangar til grøn industrialsatsing, sirkulærøkonomi og meir berekraft i alle næringar og sektorar, og at det derfor er viktig at fylkeskommunane har eit breitt perspektiv på utdanningstilboda sine som sikrar rett kompetanse, arbeidsplassar og busetjing.

*Helse Fonna* tek heller ikkje direkte stilling til forslaget, men skriv mellom anna at omsynet til behovet i samfunnet og tilgang på lærepllassar ikkje berre må få vekt, men også vere styrande, i dimensjoneringa av opplæringstilbodet.

Svært få høyingsinstansar har gitt innspel til forslaget om å vidareføre dagens reglar om at departementet kan krevje at fylkeskommunen skal ha eit vidaregåande opplæringstilbod til søkerar frå heile landet. *Møre og Romsdal fylkeskommune* meiner det er uklart kva som ligg i denne regelen. *Agder fylkeskommune* meiner det er vanskeleg for fylkeskommunen å dimensjonere eit vidaregåande opplæringstilbod til søkerar frå heile landet og dessutan å forplikte seg til å formidle søkerar til lærepllass frå andre fylke. Fylkeskommunen meiner ordninga med kjøp og sal av plassar dekkjer dette i dag.

#### 40.9.4 Departementets vurdering

Departementet foreslår, i tråd med høyingsforslaget, å lovfeste at behovet i samfunnet for kompetanse skal få stor vekt ved dimensjoneringa av det vidaregåande opplæringstilbodet.

Etter dagens reglar er både omsynet til nasjonale mål, ønska til søkerane og behovet i samfunnet relevante for korleis fylkeskommunen skal

dimensjonere den vidaregåande opplæringa i fylkeskommunen sin. Lova gir inga uttømmande liste over relevante omsyn og heller ikkje føringar for korleis dei ulike omsyna skal vektast mot kvarandre.

Kunnskapsgrunnlaget frå opplæringslovutvalet, gjort greie for i NOU 2019: 23, viser at det er variasjonar i korleis fylkeskommunane dimensjonerer den vidaregåande opplæringa, men at dei fleste i dag legg meir vekt på at søkerane skal få oppfylt førstevalet sitt, enn på behovet i samfunnet for kompetanse. Utvalet foreslo derfor å lovfeste at fylkeskommunane i dimensjoneringa av tilbodet skal legge stor vekt på kva kompetanse samfunnet treng, og på kor mange lærepllassar som finst.

Departementet foreslår, i tråd med vurderinga frå utvalet og høyingsforslaget, å lovregulere at fylkeskommunane skal legge stor vekt på behovet i samfunnet for kompetanse ved planlegginga og utbygginga av det vidaregåande opplæringstilbodet. Ei slik lovregulering har god støtte hos høyingsinstansane.

I tråd med høyingsforslaget foreslår departementet ikkje å lovfeste at fylkeskommunane i dimensjoneringa av tilbodet også skal legge stor vekt på kor mange lærepllassar som finst. Opplæringslovutvalet foreslo å lovfeste også dette omsynet. Departementet er i utgangspunktet samd med opplæringslovutvalet i at omsynet til lærepllassar er viktig når fylkeskommunane skal dimensjonere opplæringstilbodet sitt, men ser det ikkje nødvendig å lovfeste dette. Ved å lovfeste at det skal leggjast stor vekt på kva kompetanse samfunnet treng, vil også tilgangen til lærepllassar langt på veg vere varetaken. Departementet vil elles påpeika at dei foreslår reglane ikkje ute lukkar at fylkeskommunen kan ta omsyn til tilgangen på lærepllassar dersom dei ønskjer å vektlegge dette som eit sjølvstendig moment i arbeidet med å dimensjonere opplæringstilbodet sitt.

I vurderinga av behovet i samfunnet for kompetanse er det nærliggjande at fylkeskommunen først vurderer behovet regionalt. Det er likevel naturleg at fylkeskommunen også ser på behovet utover regionen sin.

Nokre høyingsinstansar har spelt inn at dei ønskjer å vidareføre dagens reglar der fleire omsyn er lista opp, inkludert omsynet til kvar enkelt søker. Andre høyingsinstansar, inkludert *NHO* og *LO*, støttar vurderingane i høyingsnotatet. *LO* peikar særleg på at dagens vektlegging av ønska til elevane bidreg til at ein ikkje får løyst utfordringa med å tilby nok lærepllassar og dekkje behovet i arbeidslivet for kompetanse. Departementet meiner det er vesentleg at fylkeskommunen

nanes dimensjonering står i forhold til behovet i samfunnet for kompetanse. Departementet gjer merksam på at forslaget ikkje utelukkar at fylkeskommunane kan vektleggje andre omsyn. Lovforslaget inneheld inga uttømmande liste over kva omsyn som skal vektleggjast i dimensjoneringa av opplæringstilbodet. Samtidig vil fylkeskommunane framleis måtte ta omsyn til ønska til søkerane, ved at § 5-1 i lovforslaget gir kvar enkelt rett til å komme inn på eitt av tre utdanningsprogram. Det er grunn til å tru at fylkeskommunane framleis vil strekkje seg langt for at elevane skal komme inn på førstevalet sitt, noko det kan vere gode grunnar til sidan elevar som får oppfylt førsteønsket sitt, har større sjansar for å fullføre vidaregåande opplæring enn dei som får oppfylt andre eller tredjevalet sitt, sjá SSB Analyse 2020/15.

Departementet foreslår å vidareføre dagens reglar om at departementet kan krevje at fylkeskommunen skal ha eit vidaregåande opplæringsstilbod til søkerar frå heile landet. Sjølv om heimelen er lite brukt, er det ikkje tilstrekkeleg greidd ut kva konsekvensar det kan ha å fjerne regelen. Til høyringsinnspelet om at det er uklart kva regelen inneber, kommenterer departementet at heimelen gjer det mogleg å påleggje fylkeskommunar å ha eit tilbod til andre enn dei som tilhører den aktuelle fylkeskommunen, til dømes dersom fylkeskommunane ikkje i tilstrekkeleg grad tilbyr smale fag.

#### 40.9.5 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å lovfeste at behovet i samfunnet for kompetanse skal få stor vekt ved dimensjoneringa av det vidaregåande opplæringstilbodet, sjá forslaget til § 5-3 første ledd
- å vidareføre lovreglar om at departementet kan krevje at fylkeskommunen skal ha eit vidaregåande opplæringsstilbod til søkerar frå heile landet, sjá forslaget til § 5-3 tredje ledd

### 40.10 Kva den vidaregåande opplæringa består av

#### 40.10.1 Dagens reglar

Opplæringsordninga for den vidaregåande opplæringa kjem fram av § 3-3 i lova, der det i første ledd er presisert at opplæringa fører fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse. Grunnkompetanse er ei fellesnemning på all kompetanse som ikkje utgjer studiekompetanse eller yrkeskompetanse.

I andre ledd er det presisert at opplæring i skole skal omfatte dei tre trinna vg1, vg2 og vg3, der kvart trinn normalt har eitt års lengd.

I tredje ledd er det presisert at fag- og yrkesopplæringa normalt omfattar to år i skole og eitt års opplæring i bedrift, men at opplæringa i bedrift kan strekkje seg over to år når opplæringa blir gitt i kombinasjon med verdiskaping i bedrifta. Det er også presisert at departementet gir forskrift om kva fag som skal ha lærertid i bedrift, og nærmere reglar om opplæringsordninga for dei ulike faga.

#### 40.10.2 Høyringsforslaget

I høyringa foreslo departementet

- å ikkje vidareføre reglane om kva kompetanse den vidaregåande opplæringa skal leie fram til, men heller regulere kva den vidaregåande opplæringa består av (studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram). Forslaget inneber at omgrepet «grunnkompetanse» ikkje lenger kjem fram av lova.
- å elles i hovudsak vidareføre dagens reglar om opplæringsordninga for den vidaregåande opplæringa

Departementet følgde med dette høyringsforslaget opp opplæringslovutvalets NOU 2019: 23, kapittel 24.

#### 40.10.3 Høyringsinstansanes syn

I underkant av 20 høyringsinstansar har uttalt seg om forslaget om å regulere i lova kva den vidaregåande opplæringa består av, framfor kva kompetanse opplæringa gir.

Eit fleirtal støttar forslaget, inkludert *Møre og Romsdal fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune, Agder fylkeskommune, Vestfold og Telemark fylkeskommune, Byggenærings Landsforening* og *NHO*.

Enkelte høyringsinstansar har innspel til at forslaget inneber at omgrepet «grunnkompetanse» går ut frå lova. *PPT for vidaregående opplæring, gamle Østfold fylkeskommune* meiner det generelt er for lite fokus på grunnkompetanse i høyringsnotatet og lovforsлага. *Statsforvaltaren i Oslo og Viken* ønskjer at grunnkompetanseomgrepet blir vidareført i lova. *Viken fylkeskommune* støttar ikkje forslaget og er særleg bekymra for at omgrepet grunnkompetanse forsvinn, då det er viktig å behalde dette omgrepet i lova som ei nemning på eit oppnådd kompetansenivå for praksisbrevkandidatar og lærekandidatar. Fylkeskommunen meiner at forslaget ikkje er i tråd med det

uttalte ønsket til departementet i høyringa om å sjå på og vidareutvikle lærekandidatordninga og praksisbrevordninga i lys av forslaget om ny fullføringsrett.

*Innlandet fylkeskommune* støttar heller ikkje forslaget og meiner mellom anna at lova også må presisere kva sluttkompetanse som er forventa.

Enkelte høyringsinstansar har eksplisitt kommentert departementets forslag om å bruke nemninga «som elev» framfor dagens nemning «i skole». *Møre og Romsdal fylkeskommune* og *Byggenærings Landsforening* støttar den foreslalte omgrepbruken til departementet. *Arbeids- og velferdsdirektoratet* meiner at omgrepet «som elev» ikkje nødvendigvis er meir presist enn omgrepet «i skole», og at det også kan skape uklarleik innan yrkesfagleg opplæring med anna organisering enn modellen 2 + 2, som ved opplæring etter vekslingsmodell der ein er både elev og lærling parallelt.

*Nasjonal kompetanseteneste for sjeldne diagnoser* (ved Oslo Universitetssjukehus) tek heller ikkje direkte stilling til om dei støttar forslaget eller ikkje, men skriv:

Vi registrerer at man nå fjerner begrepet «verdiskaping» og innfører «to år med lærerid i bedrift». I dag er retten til vidaregående opplæring 3 år, vi oppfatter dette som at denne retten nå utvides til 4 år, da det i første setning står «Studieforebuande utdanningsprogram omfatter tre års opplæring som elev».

#### 40.10.4 Departementets vurdering

I dagens lovregel står det at den vidaregående opplæringa skal føre fram til «studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse», jf. opplæringslova § 3-3 første ledd. Opplæringslovutvalet peika på at det er utfordringar med forståinga av nemninga «grunnkompetanse», og skriv mellom anna at det er

[...] særlig utfordrende at «grunnkompetanse» omfatter både planlagt og ikke-planlagt slutt-kompetanse på et lavere nivå enn studie- eller yrkeskompetanse, og uavhengig av om det er ment som delkompetanse for den enkelte eller ikke.

Departementet foreslo i høyringa, i tråd med vurderinga frå opplæringslovutvalet, å ikkje vidareføre formuleringa i dagens § 3-3 første ledd om *kva* kompetanse den vidaregåande opplæringa skal leie fram til, men heller regulere *kva* den vidaregåande opplæringa består av (studieføre-

buande og yrkesfaglege utdanningsprogram). På den måten vil ikkje omgrepet «grunnkompetanse» vere nemnt i reglane i lova om vidaregåande opplæring for ungdom. Departementet tok i høyringa ikkje stilling til eventuell bruk av nemninga «grunnkompetanse», eller ei nyansering av nemninga, i forskriftsreglane, men viste til at dette er noko som eventuelt må takast stilling til i arbeidet med forskriftene. Departementet presiserte at orda «studiekompetanse» og «yrkeskompetanse» i lova framleis skal forståast som *full* studie- eller yrkeskompetanse.

Departementet foreslår å gå vidare med høyringsforslaget, noko som blir støtta av fleire av høyringsinstansane. Når det gjeld høyringsinnspeila om at det er uheldig at omgrepet «grunnkompetanse» forsvinn frå lova, vil departementet vise til at forslaget til ny § 5-2, som regulerer kva den vidaregåande opplæringa består av, framfor kva kompetanse opplæringa gir, ikkje er meint å endre på moglegheita for den enkelte til å få opplæringsløp som gir annan kompetanse enn studie- eller yrkeskompetanse med vitnemål og fag- eller sveinebrev. Dette gjeld i dag ordningane for praksisbrevkandidatar og lærekandidatar innanfor fag- og yrkesopplæringa. Departementet gjer også merksam på at det i høyringsnotatet punkt 42.6.1.2 vart påpeika at det er behov for å sjå på dei ulike opplæringsordningane på yrkesfag, og at det vil gjerast som oppfølging av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med opne dører til verden og fremtiden*.

Departementet kan uansett ikkje sjå at omgrepet grunnkompetanse er eigna å føra vidare som nemning på eit oppnådd kompetansenivå, då omgrepet i seg sjølv ikkje gir nokon informasjon om kva kompetanse som er oppnådd. Som opplæringslovutvalet påpeika, omfattar omgrepet både planlagd og ikke-planlagd sluttkompetanse på eit lågare nivå enn studie- eller yrkeskompetanse. Til dømes vil ein elev som stryk i eitt eller fleire fag, eller ein elev som har vedtak om spesialundervisning som inkluderer avvik frå kompetansebrevet i læreplanen, få kompetansebevis på grunnkompetansen sin.

Departementet foreslår, i tråd med høyringsforslaget, å i hovudsak vidareføre dagens reglar om at studieforebuande utdanningsprogram omfattar tre års opplæring i skole, medan yrkesfaglege utdanningsprogram til vanleg omfattar to år med opplæring i skole og to år med lærerid i bedrift, 2 + 2-modellen. Dette gir ei overordna beskriving i lova av utdanningsprogramma. Sidan det er slik at om lag 25 prosent av opplæringsløpa innanfor fag- og yrkesopplæringa har ei anna organisering enn 2 +

2-modellen, bad departementet i høyringa om eventuelle innspel til andre måtar å beskrive dei yrkesfaglege utdanningsprogramma i lova på. Det har ikkje komme innspel særskilt til dette spørsmålet. Departementet vil påpeike at opplysningane om tid for dei studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogramma på høvesvis 3 og 2 + 2 år, seier noko om omfanget av opplæringa og kva som normalt er forventa tidsbruk på opplæringa. Departementet ser likevel ikkje bort frå at elevar og dei som har læretid i bedrift, kan få opplæringa over kortare eller lengre tid. Dei som ikkje har bestått opplæringa på normert tid, vil framleis ha rett til opplæring fram til dei har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse, i tråd med § 5-1. Opplysningane om tid i § 5-2 er med andre ord ikkje meint å avgrense retten til opplæring etter § 5-1.

Departementet foreslår, i tråd med høyringsforslaget, å bruke omgrepet «som elev», framfor omgrepet «i skole» i omtalen av den delen av opplæringa som ikkje skjer i bedrift. Omgrepet «i skole» kan verke noko upresist fordi det ikkje nødvendigvis er slik at all opplæringa for elevar går føre seg på skolen. Det gjeld særleg på trinna vg1 og vg2 i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. *Arbeids- og velferdsdirektoratet* uttalte i høyringsfråsegna si at omgrepet «som elev» kan skape uklarleik innan yrkesfagleg opplæring med anna organisering enn 2 + 2-modellen, til dømes ved opplæring etter vekslingsmodell der ein er både elev og lærling parallelt. Departementet uttaler til dette at paragrafen er meint å gi ei overordna beskriving av utdanningsprogramma, og at det uansett er påpeika i ordlyden at dei yrkesfaglege utdanningsprogramma «til vanleg» inneber 2 + 2-modellen. I dette ligg det eit etterhald om at opplæringa kan organiserast på annan måte.

#### **40.10.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å regulere kva den vidaregåande opplæringa består av (studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram), sjå forslaget til § 5-2
- å i hovudsak vidareføre dagens reglar om opplæringsordninga for den vidaregåande opplæringa, sjå forslaget til § 5-2

### **40.11 Overgangen frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa**

#### **40.11.1 Dagens reglar**

Kommunane kan etter søknad velje å la ein elev gå eit ekstra år i grunnskolen, men ingen elevar

har rett til dette. Det er ein føresetnad for slik ekstra grunnskoleopplæring at eleven ikkje har fått utskrive vitnemål frå grunnskolen. Elevar som får innvilga ekstra år i grunnskolen, skal følgje den vanlege fag- og timefordelinga. Forarbeida til opplæringslova understrekar at ekstra år i grunnskolen ikkje går ut over retten eleven har til vidaregåande opplæring etter § 3-1. Utdanningsdirektoratet har omtalt moglegheita for ekstra år i grunnskolen i ei tolkingsfråsegn frå 5. januar 2015. Temaet er også omtalt i Ot.prp. nr. 46 (1997–98) *Om lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*, kapittel 7.4.1 og 31, og i Prop. 72 L (2015–2016) *Endringar i opplæringslova (friare skoleval over fylkesgrenser, praksisbrevordning m.m.)*, kapittel 5.2.

Både kommunane og fylkeskommunane kan tilby meir grunnskoleopplæring til ungdom etter reglane om opplæring særleg organisert for vaksne. Dette følgjer av opplæringslova § 4A-1 andre ledd. Slik opplæring kan tilbydast ungdommar som har rett til vidaregåande opplæring på bakgrunn av fullført grunnskole eller tilsvarande opplæring, men som likevel har behov for meir grunnskoleopplæring for å kunne fullføre vidaregåande opplæring. Slik grunnskoleopplæring følger ikkje den same fag- og timefordelinga som ordinær grunnskoleopplæring. Opplæringa omfattar til vanleg dei faga ein treng for å få fullført grunnskoleopplæring for vaksne, det vil seie norsk, engelsk, matematikk og to av faga naturfag, samfunnsfag og KRLE. Ekstra grunnskoleopplæring for ungdom etter § 4A-1 andre ledd kan derfor tilpassast på ein annan måte enn det som er mogleg ved eit ordinært ekstra år i grunnskolen. Det kjem fram av forarbeida i Prop. 72 L (2015–2016) at ungdom som deltek i eit tilbod etter § 4A-1, skal kunne få kompetansen sin vurdert på nyt og dokumentert på vitnemålet, sjølv om dei tidlegare har fått utferda vitnemål frå grunnskolen. Dei bruker heller ikkje av retten til vidaregåande opplæring etter § 3-1. Ungdommar som nyttar tilboden om meir grunnskoleopplæring for vaksne etter § 4A-1 andre ledd, har i dag ikkje dei same rettane som dei som har rett til grunnskoleopplæring etter § 4A-1 første ledd. Dette går fram av forarbeida til dagens opplæringslov, sjå Prop. 72 L (2015–2016), kap. 5.5.5.

Det er ikkje reglar i dag om at kommunen eller fylkeskommunen pliktar å ha noko opplæringsstilbod som nemnt over.

Opplæringslova inneheld ein regel i § 13-5 om at skolen skal samarbeide med barnehagen om overgangen frå barnehagen til skolen og skolefritidsordninga. Samarbeidet skal bidra til at barna

får ein trygg og god overgang, og det er skoleeigar som har ansvaret for samarbeidet. Det er ingen tilsvarande reglar i lova om overgangen frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa.

#### 40.11.2 Høyningsforslaget

I høyringa foreslo departementet

- å vidareføre at kommunane og fylkeskommunane kan tilby meir grunnskoleopplæring til ungdommar som treng det, og å lovfeste at dei som blir tilbydde slik opplæring, får dei same rettane som dei som har rett til grunnskoleopplæring for vaksne
- å innføre ei plikt for fylkeskommunane til å ha eit opplæringstilbod i overgangen til vidaregåande opplæring for elevar som manglar faglege føresetnader eller språklege føresetnader for å kunne delta i og bestå vidaregåande opplæring
- å innføre ei plikt for fylkeskommunane til å sørge for at elevane får ein trygg og god overgang frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa, og å innføre ei plikt for kommunen til å samarbeide med fylkeskommunen om overgangen

Med høyningsforslaget i det første strekpunktet over følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 24, medan høyningsforslaget i det tredje strekpunktet var nytt i høyringa. Høyningsforslaget i det andre strekpunktet skilde seg frå NOU-ens forslag om å innføre krav om eit visst omfang av grunnskoleopplæring for at ein elev kan seiast å ha fullført grunnskolen, kombinert med ein rett til eitt år med ekstra grunnskoleopplæring ved ein vidaregåande skole for dei ungdommane som avsluttar 10. trinnet i grunnskolen utan å ha tilstrekkeleg med opplæring til å få vitnemål.

#### 40.11.3 Høyningsinstansanes syn

##### 40.11.3.1 Meir grunnskoleopplæring til elevar som har rett til vidaregåande opplæring for ungdom

Omtrent 20 høyningsinstansar har uttalt seg om forslaget om å vidareføre regelen om at kommunane og fylkeskommunane kan tilby meir grunnskoleopplæring til ungdommar som treng det. Dei aller fleste støttar forslaget, inkludert Barneombordet, Statsforvaltaren i Troms og Finnmark, Vestfold og Telemark fylkeskommune og NHO.

*Møre og Romsdal fylkeskommune* støttar forslaget, under føresetnad av auka midlar frå staten og rett til gratis skyss.

*Larvik kommune* viser til at også dei utan rett til vidaregåande opplæring ofte vil ha behov for kombinasjonsklassar i staden for å få grunnskoleopplæring på vaksenopplæringa.

*Fredrikstad kommune* peikar på at det kvart år er fleire elevar i grunnskolen som manglar faglege føresetnader for å kunne delta i og bestå vidaregåande opplæring på grunn av til dømes høgt fråvær, og at lovregelen også bør omfatte denne gruppa. Denne kommunen meiner også at lovproposisjonen bør utdjupe kva kriterium og vurderingar fylkeskommunen bør leggje til grunn for å tilby elevar meir grunnskoleopplæring dersom eleven manglar faglege og/eller språklege ferdigheiter.

Når det gjeld tilbod for elevar i overgangen mellom grunnskolen og vidaregåande opplæring, støttar KS forslaget i NOU 2019: 25 *Med rett til å mestre – Struktur og innhold i vidaregående opplæring* (Liedutvalet) om at ungdom med rett til vidaregåande opplæring som har svake faglege føresetnader, skal få eit innføringsfag som kan kombinerast med oppstart i vidaregåande opplæring, og at det bør vere eit lokalt handlingsrom i korleis dette blir organisert.

*Innlandet fylkeskommune* støttar intensjonen om å tilby meir grunnskoleopplæring slik at fleire blir sett i stand til å få betre utbytte av vidaregåande opplæring. Fylkeskommunen støttar likevel ikkje innhaldet i lovforslaget, under tilvising til at det er uteideleg kva som er vilkåra for rett til grunnskoleopplæring, og kven som har ansvaret.

*Troms og Finnmark fylkeskommune* ønskjer å endre regelen frå ein kan-regel til ein skal-regel og viser til at dagens kombinasjonsklassar har fungert bra og er eit svært viktig tiltak.

*Oslo kommune* tek ikkje direkte stilling til forslaget, men viser til at dei støttar forslaget frå opplæringslovutvalet om å innføre krav om eit visst omfang grunnskoleopplæring for at grunnskoleopplæringa skal reknast som fullført, kombinert med rett til eitt år med ekstra grunnskoleopplæring ved ein vidaregåande skole for ungdom som ikkje har fullført grunnskolen.

##### 40.11.3.2 Plikt for fylkeskommunane til å ha eit overgangstilbod

Omtrent 20 høyningsinstansar har uttalt seg om forslaget om å innføre ei plikt for fylkeskommunen til å ha eit overgangstilbod for elevar som har rett til vidaregåande opplæring for ungdom, men som manglar faglege eller språklege føresetnader for å

kunne delta i og bestå vidaregåande opplæring. Dei fleste som har uttalt seg, støttar forslaget, inkludert *Barneombodet*, *Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark*, *Statsforvaltaren i Vestland*, *Agder fylkeskommune*, *Trøndelag fylkeskommune* og *NHO*. *Møre og Romsdal fylkeskommune* støttar forslaget, men meiner gratis skyss må vere ein føresetnad.

*Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring (NAFO)* og *Integrerings- og mangfaldsdirektoratet* meiner at eit slikt overgangstilbod bør ha løpende inntak. *Agder fylkeskommune* ønskjer forskriftsreglar om inntak.

*Kristiansand kommune* ønskjer at dette skal vere ein individuell rett for den enkelte, medan *Norsk Lektorlag* meiner at eit slikt overgangstilbod bør vere obligatorisk for dei som treng det.

*Rogaland fylkeskommune* og *Oslo kommune* støttar primært forslaget frå opplæringslovutvalet om å innføre krav om eit visst omfang grunnskoleopplæring for at grunnskoleopplæring skal reknast fullført, kombinert med rett til eitt år med ekstra grunnskoleopplæring ved ein vidaregåande skole for ungdom som ikkje har fullført grunnskolen.

*KS* skriv at dei støttar Liedutvalets forslag i NOU 2019: 25 om at ungdom med rett til vidaregåande opplæring og som har svake faglege føresetnader, skal få eit innføringsfag som kan kombinerast med oppstart i vidaregåande opplæring.

*Statsforvaltaren i Oslo og Viken* meiner ei slik regel er viktig, men meiner at tilboden kan variere stort mellom fylkeskommunane, og at departementet derfor bør vurdere om innhaldet i plikta kan gje rast tydeleg. *Innlandet fylkeskommune* støttar intesjonen med forslaget, men støttar ikkje innhaldet i regelen slik han er foreslått forma ut, under tilvising til at vilkåra og ansvarsforholdet er for utydelege.

#### 40.11.3.3 Plikt til å sørge for at elevane får ein trygg og god overgang frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa

I overkant av 30 høyringsinstansar har uttalt seg om forslaget om at fylkeskommunen pliktar å sørge for at elevane får ein trygg og god overgang frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa, og at kommunane pliktar å samarbeide med fylkeskommunen for å få til dette. Alle støttar forslaget heilt eller delvis.

Blant dei som støttar forslaget, er *Barneombodet*, fleire fylkeskommunar og kommunar, *SRY*, *Utdanningsforbundet*, *NHO*, *Norsk lektorlag*, *Akademikerne* og *Unge funksjonshemmede*.

*Fredrikstad kommune* trekker fram som positivt at ansvaret blir plassert hos fylkeskommunen. *Foreldreutvalet for grunnopplæringa* (FUG)

ønskjer derimot at ansvaret til kommunen og til fylkeskommunen blir likestilt. *Møre og Romsdal fylkeskommune* meiner det er uheldig at hovudansvaret blir lagt på fylkeskommunen, då det er kommunane som kjenner elevane best. Fylkeskommunen meiner regelen heller bør fokusere på godt samarbeid mellom kommunen og fylkeskommunen.

*Statsforvaltaren i Oslo og Viken* støttar at det blir innført ei plikt til å sørge for ein trygg og god overgang, men meiner det er uklart kva som faktisk skal ligge i denne plikta. Statsforvaltaren meiner lovteksten indikerer ei omfattande plikt, medan merknadene indikerer at plikta kan oppfyllast med minimale tiltak. Erfaringa til Statsforvaltaren er at døma på tiltak nemnde i merknadene er noko som allereie i dag blir gjort.

Enkelte høyringsinstansar ønskjer ei tilsvarende plikt også for andre overgangar i skolelopet, og særleg i overgangen mellom barneskolen og ungdomsskolen.

*Rogaland fylkeskommune* meiner det kan skape utfordringar for tilretteleggingsansvaret fylkeskommunen har, dersom eleven ikkje samtykkjer til informasjonsoverføring frå kommunen til fylkeskommunen. *Norsk lektorlag* meiner at all informasjon om elevane bør kunne overførast uavhengig av om eleven eller foreldra samtykkjer til denne overleveringa, noko som vil vere særleg viktig for å sikre både elevar og lærarar ein trygg skole og arbeidsplass.

#### 40.11.4 Departementets vurdering

##### 40.11.4.1 Meir grunnskoleopplæring til elevar som har rett til vidaregåande opplæring for ungdom

Kommunane og fylkeskommunane kan i dag tilby grunnskoleopplæring for vaksne til ungdommar som har rett til vidaregåande opplæring etter ungdomsretten, men som treng meir grunnskoleopplæring. Regelen kom inn i lova i 2016. Bakgrunnen for lovendringa var mellom anna forsøk som var gjennomført av Vestfold fylkeskommune og Telemark fylkeskommune, der nykomne unge innvandrarar fekk grunnskoleopplæring kombinert med fag på vidaregåande nivå. Opplæringa vart lagt til ein vidaregåande skole, noko som var viktig både for læringsprestasjonane og for å oppnå sosial tilhørsel i ei ungdomsgruppe. Dei ungdommane som får slik opplæring, bruker ikkje av ungdomsretten til vidaregåande opplæring, og dei får moglegheita til å forbetre karakterane sine på vitnemålet frå grunnskolen.

Departementet foreslår, i tråd med fleirtalet av høyringsinstansane som har uttalt seg, å vidareføre at kommunane og fylkeskommunane kan tilby meir grunnskoleopplæring til ungdommar som treng det. Fleire kommunar og fylkeskommunar tilbyr i dag meir grunnskoleopplæring til elevar i overgangen mellom grunnskolen og vidaregåande opplæring. Tilboden har ulike namn lokalt, men mange bruker nemninga kombinasjonsklassar fordi elevane kombinerer fag frå grunnskole og vidaregåande opplæring. Departementet meiner kommunane og fylkeskommunane bør kunne få halde fram med dette. Forslaget må sjåast i samanheng med forslaget i punkt 40.11.4.2, om å innføre ei plikt for fylkeskommunane til å ha eit overgangstilbod for dei elevane som treng å bli betre førebudd til vidaregåande opplæring.

Forslaget inneber å vidareføre dagens reglar om at dei som får meir grunnskoleopplæring etter denne regelen, får moglegheit til å forbetre karakterane sine på vitnemålet frå grunnskolen. I dag står dette i forarbeida til lovregelen, men departementet foreslår å tydeleggjere dette i lova.

Enkelte høyringsinstansar etterlyser tydelegare kriterium for kven som er i målgruppa for meir grunnskoleopplæring etter denne regelen. Departementet meiner kommunane og fylkeskommunane er nærest til å vurdere dette sjølv, og vil derfor ikkje foreslå meir detaljerte reglar om dette.

Ungdommar som har rett til vidaregåande opplæring og nyttar seg av tilboden om meir grunnskoleopplæring for vaksne (etter dagens lov § 4A-1 andre ledd), får i dag ikkje dei same rettane som dei som har rett til grunnskoleopplæring etter § 4A-1 første ledd. I tråd med høyringa foreslår departementet at rettane skal vere dei same for begge gruppene. Dette er i lovforslaget synleggjort ved at reglane om grunnskoleopplæring for vaksne er formulerte slik at reglane gjeld for dei som får slik opplæring, uavhengig av om dei har rett til slik opplæring eller ikkje. Dette inneber mellom anna at reglane om skyss i grunnskoleopplæringa for vaksne vil gjelde også for denne gruppa.

Til høyringsinnspelet frå *Larvik kommune* om at også dei utan rett til vidaregåande opplæring ofte vil ha behov for kombinasjonsklassar i staden for å få grunnskoleopplæring i vaksenopplæringa, vil departementet kommentere at kombinasjonsklassar ikkje er regulerte i lova, men at dei som får meir grunnskoleopplæring etter dagens reglar,

gjerne får opplæringa i såkalla kombinasjonsklassar. Det er ikkje noko i vegen for at kommunane organiserer opplæringa slik at deltakarar frå begge gruppene (det vil seie dei som har rett til grunnskoleopplæring etter dagens § 4A-1 første ledd, og dei som får tilbod om meir grunnskoleopplæring etter § 4A-1 andre ledd) får grunnskoleopplæringa saman.

Til høyringsinnspelet frå *Troms og Finnmark fylkeskommune* om at regelen bør endrast frå ein kan-regel til ein skal-regel, meiner departementet at forslaget i punktet under om at fylkeskommunane pliktar å ha eit overgangstilbod, varetok innspelet, særleg med tanke på at kombinasjonsklassar kan oppfylle lovkravet om eit overgangstilbod.

Enkelte høyringsinstansar støttar primært forslaget frå opplæringslovutvalet om å innføre krav om eit visst omfang grunnskoleopplæring for å reknast for å ha fullført grunnskolen, kombinert med rett til eitt år med ekstra grunnskoleopplæring ved ein vidaregåande skole for ungdom som ikkje har fullført grunnskolen. Departementet vil at opplyse om at dette var eit forslag frå opplæringslovutvalet som ikkje vart følt opp i høyringsforslaget.

I Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden* er det varsla ei nærmare utgreiing av overgangsreglar som skil seg på enkelte område frå den løysinga utvalet har foreslått. Mellom anna er det i meldinga til Stortinget varsla at overgangstilboden skal vere ein integrert del av vidaregåande opplæring. I tråd med høyringsforslaget foreslår departementet å innføre ei plikt for fylkeskommunane til å ha eit overgangstilbod fram til tiltaket i Meld. St. 21 (2020–2021) er ferdig greidd ut og følt opp, sjá vurderinga i punktet under.

Som omtalt i punkt 40.11.1 om dagens reglar, kan kommunane i dag etter søknad velge å la ein elev gå ekstra år i grunnskolen. Det følgjer av forarbeid og tolkning frå Utdanningsdirektoratet at det er ein forutsetning for slik ekstra grunnskoleopplæring at eleven ikkje har fått vitnemål frå grunnskolen, og at elevane skal ifølgje vanleg fag- og timefordeling. Dette vart ikkje foreslått endra, og kommunen vil framleis ha moglegheita til å tilby ekstra ordinær grunnskoleopplæring. Det er normalt ikkje mogen å forbetra vitnemålet frå grunnskolen. Kommunen må derfor tilby slik opplæring før eleven har fått vitnemål frå grunnskolen, for at resultat frå den ekstra opplæringa skal kunne førast på grunnskolevitnemålet til eleven.

#### 40.11.4.2 Plikt for fylkeskommunane til å ha eit overgangstilbod

Mange kommunar og fylkeskommunar har i dag frivillige overgangstilbod for å gjere elevar betre førebudde til vidaregåande opplæring. Departementet meiner at det er viktig at slike overgangstilbod blir haldne ved lag, og at det ikkje er tilstrekkeleg for å sikre dette at moglegheita for å gi eit slikt tilbod blir halden ved lag, jf. punkt 40.11.4.1. Departementet foreslår derfor, som i høyringa, å innføre ei plikt for fylkeskommunane til å ha eit opplæringstilbod i overgangen mellom grunnskolen og den vidaregåande opplæringa for elevar som manglar faglege føresetnader eller språklege føresetnader for å kunne delta i og bestå vidaregåande opplæring. Forslaget blir støtta av fleirtalet av dei høyringsinstansane som har uttalt seg.

Eit slikt opplæringstilbod i overgangen mellom grunnskolen og den vidaregåande opplæringa er særleg viktig for elevar som har budd kort tid i Noreg.

Plikta er meint å vere overordna og blir lagd til fylkeskommunen, men det er naturleg at fylkeskommunen samarbeider med relevante kommunar. Det er opp til fylkeskommunen korleis tilboden skal organiserast, kva innhald som skal tilbydast, og kven som skal vere målgruppa for tilboden, og omfanget av det. Dette er ikkje ei plikt til å tilby kombinasjonsklassar, men kombinasjonsklassar kan vere eit overgangstilbod som oppfyller plikta. Sidan fylkeskommunane har stor grad av fridom til å velje korleis dei vil organisere tilboden, meiner departementet at ein slik regel verken er eigna til å gi plikter eller rettar til den enkelte.

Enkelte høyringsinstansar meiner at det bør vere ei plikt for fylkeskommune til å ha loppende inntak til opplæringstilboden. Departementet meiner at loppende inntak kan vere ein fordel, særleg for at innvandrarar som har avgrensa butid i Noreg, skal få eit tilbod så raskt som mogleg. Dette er særleg viktig for unge innvandrarar. Det følgjer mellom anna av reglane i integreringslova (som avløyste introduksjonslova) at ungdom mellom 16 og 18 år ikkje lenger har rett til opplæring i norsk og samfunnskunnskap, men at det er forventa at desse kjem inn i eit opplæringsløp etter opplæringslova. Departementet vil likevel ikkje foreslå å regulere ei plikt til å ha loppende inntak i overgangstilboden frå fylkeskommunane no. Eventuelle ytterlegare lovfesta rammer/krav for eit overgangstilbod er noko som bør greiast ut næraare i arbeidet med oppfølginga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører*

*til verden og fremtiden.* Av same grunn vil departementet heller ikkje no foreslå forskriftsreglar eller å tydeleggjere kravet i lova, slik enkelte høyringsinstansar har uttrykt ønske om. Departementet vil likevel påpeike at reglane ikkje er i vegen for at fylkeskommunen har loppende inntak, men at dette er noko fylkeskommunen sjølv må vurdere.

#### 40.11.4.3 Plikt til å sørge for at elevane får ein trygg og god overgang frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa

Det er viktig å sikre elevane ein god overgang frå grunnskolen til vidaregåande opplæring. Dei aller fleste byrjar i dag i vidaregåande opplæring rett etter ungdomsskolen. I Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidleg innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO* peikar regjeringa på at dei fleste ungdommene ser fram til å byrje på vidaregående, men at mange likevel opplever overgangen som vanskeleg. I punkt 2.4.7 i meldinga blei det peika på at forsking viser at stadig fleire i ungdomsskolealder har ulike psykiske helseplager, og at elevar med behov for særskild tilrettelegging generelt får lite råd og bistand ved overgangen til vidaregåande opplæring.

Departementet er kjend med at mange kommunar og fylkeskommunar har gode rutinar for elevenes overgang frå ungdomsskolen til vidaregåande opplæring, men at dette likevel varierer. Departementet foreslår derfor, i tråd med dei aller fleste høyringsinnspeila, å innføre ei plikt for fylkeskommunen til å sørge for at elevane får ein trygg og god overgang frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa, og å innføre ei plikt for kommunen til å samarbeide med fylkeskommunen om dette. Ordlyden «trygg og god overgang» harmonerer med den tilsvarande regelen om samarbeidsplikt i overgangen mellom barnehage og skole. Sjá omtale i punkt 23.5.1.

Departementet meiner at hovudansvaret bør leggjast til fylkeskommunen. Sjølv om kommunen vil ha mykje kunnskap om elevane, er det likevel naturleg at det er fylkeskommunen som får hovudansvaret, sidan det er dei som får elevane. Det er ikkje ønskjeleg å ha eit likestilt ansvar for kommunen og fylkeskommunen, då det kan føre til ansvarsplverisering.

Departementet foreslår at plikta skal gjelde overfor alle elevar som byrjar i vidaregåande opplæring. Mange elevar vil ikkje ha behov for spesielle tiltak, men fylkeskommunen bør likevel ha eit minimum av generelle tiltak retta mot alle nye elevar i vidaregåande opplæring, som til dømes til

bod om skolebesøk. For nokre elevar kan det vere nødvendig med tett oppfølging og konkrete individuelle tiltak i staden eller i tillegg. Den nasjonale reguleringa bør vere på eit overordna nivå, slik at plikta er fleksibel og tek høgd for ulike lokale behov, i tråd med dei tilsvarande reglane om overgangen mellom barnehage og skole.

Departementet presiserer at det er behovet til den enkelte eleven for ein trygg og god overgang til vidaregåande opplæring som er hensikta bak regelen. Tiltaka kommunane og fylkeskommunane set i verk for å oppfylle plikta, må derfor skje på elevens premissar.

Overføring av personopplysningar kan berre skje innanfor dei til kvar tid gjeldande rammene for behandling av personopplysningar. Om høyringssinnspela om at det bør givast eigne reglar for lettare å kunne overføre informasjon frå grunnskolen til den vidaregåande skolen, meiner departementet for det første at dette ikkje er tenleg. Enkelte elevar vil til dømes kunne ha eit behov for å starte med blanke ark, utan å i stor grad bli innhenta av forhold/opplysninga frå fortida. Departementet meiner for det andre at dette heller ikkje er nødvendig. Fylkeskommunen har alle reie i dag tilgang til ein del informasjon om elevane som søker om vidaregåande opplæring. Som gjort greie for i punkt 54, inneber forslaget § 25-1 første ledd at kommunar, fylkeskommunar og lærebodrifter kan behandle personopplysningar når det er nødvendig for å utføre oppgåver etter lova. Etter tredje ledd kan fylkeskommunar hente inn dei personopplysingane frå grunnskolane som er nødvendige for å oppfylle retten til vidaregåande opplæring, gjennomføre inntak til vidaregåande opplæring, førebyggje fråvær frå opplæringa og følgje opp dei som er i målgruppa til oppfølgingstenesta. Det går vidare fram av fjerde ledd at skolane også kan dele personopplysningar ved overgang til vidaregåande opplæring for å legge til rette opplæringa til ein elev, på det vilkåret at eleven eller foreldra tillèt det.

Til *Statsforvaltaren i Oslo og Viken* sitt innspel om omfanget av plikta viser departementet til vur-

deringane over. For enkelte kommunar og fylkeskommunar vil det vere tilstrekkeleg å vidareføre dei tiltaka og det samarbeidet dei allereie har i dag. For andre kommunar og fylkeskommunar vil det vere nødvendig å strekkje seg noko lenger enn i dag for å oppfylle plikta.

Dersom eleven kjem frå ein grunnskole godkjend etter privatskolelova, foreslår departementet at den private skolen skal ha plikt til å samarbeide med fylkeskommunen om overgangen når eleven vel ein offentleg vidaregåande skole. Private vidaregåande skolar med rett til statstilskot får etter departementets forslag tilsvarande plikt som fylkeskommunen til å samarbeide uavhengig om eleven kjem frå privat grunnskole med rett til statstilskot eller ein offentleg grunnskole, sjå punkt 66.

Forslaget om samarbeidsplikt gjeld ikkje private grunnskolar godkjende etter forslaget § 22-1. Dette hindrar likevel ikkje at dei private grunnskolane samarbeider med fylkeskommunen om overgangen.

#### **40.11.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å vidareføre at kommunane og fylkeskommunane kan tilby meir grunnskoleopplæring til ungdommar som treng det, og å lovfeste at dei som blir tilbydd slik opplæring, får dei same rettane som dei som har rett til grunnskoleopplæring for vaksne, sjå forslaget til § 9-7
- å innføre ei plikt for fylkeskommunane til å ha eit opplæringstilbod i overgangen til vidaregåande opplæring for elevar som manglar faglege føresetnader eller språklege føresetnader for å kunne delta i og bestå vidaregåande opplæring, sjå forslaget til § 9-6
- å innføre ei plikt for fylkeskommunen til å sørge for at elevane får ein trygg og god overgang frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa, og å innføre ei plikt for kommunen til å samarbeide med fylkeskommunen om overgangen, sjå forslaget til § 9-5

## 41 Opplæring for barn og unge som søker om eller ikkje har opphaldsløyve i Noreg

### 41.1 Innleiing

Dette kapittelet handlar om retten til opplæring for barn og unge som søker om eller ikkje har opphaldsløyve i Noreg. Kapittelet handlar både om rett til grunnskoleopplæring for barn i grunnskolealder, rett til vidaregåande opplæring for ungdom og rett til grunnskoleopplæring for vaksne.

### 41.2 Dagens reglar

#### 41.2.1 Grunnlova og Noregs folkerettslege forpliktingar

Det følgjer av Grunnlova § 109 første ledd at alle har rett til utdanning, og at barn har rett til å få grunnleggjande opplæring. Vidare kjem det fram av andre ledd i paragrafen at styresmaktene til staten skal sikre tilgang til vidaregåande opplæring og like moglegheiter til høgare utdanning på grunnlag av kvalifikasjonar. Paragrafen vart innført i Grunnlova i 2014. Utsegner i forarbeida, jf. Dok. 16 (2011–2012), tilseier at paragrafen ikkje var meint å gi utvida rettar utover det som då følgde av gjeldande nasjonale reglar, og dei ramnene som følgde av Noregs internasjonale forpliktingar.

FNs konvensjon om barn sine rettar (barnekonvensjonen) gir barn og unge under 18 år eit særskilt menneskerettsvern. Ifølgje konvensjonen har alle barn rett på skolegang. Grunnskoleopplæringa skal gjerast obligatorisk og gratis tilgjengeleg for alle (artikkel 28 nr. 1 bokstav a), og statane skal oppmuntre utviklinga av ulike former for vidaregåande opplæring og gjere dei oppnåelege og tilgjengelege for alle barn (artikkel 28 nr. 1 bokstav b). Konvensjonen understrekar at ingen barn skal diskriminerast (artikkel 2). Barnekonvensjonen er norsk rett gjennom menneskerettslova og skal ved motstrid gå føre annan norsk rett.

Barnekonvensjonen oppstiller ikkje spesifikke rettar til formell opplæring for ungdom over

grunnskolealder som ikkje har eit lovleg opphaldsgrunnlag.

I ei fråsegn frå Justis- og beredskapsdepartementets lovavdeling 24. november 2010 (JDLOV-2010-8029), drøftar Lovavdelingen om det er i samsvar med barnekonvensjonen at barn i aldersgruppa 16 til 18 år som oppheld seg ulovleg i Noreg, eller som søker asyl, opphald på humanitært grunnlag, familiegrenforeining og liknande, ikkje har rett til opplæring. Departementet viser til opplæringslovutvalets NOU, kapittel 25.3.1, for ei nærmare forklaring av Lovavdelingens utsegner.

Både Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen artikkel 3 nr. 1 seier at det beste for barnet skal vere eit grunnleggjande omsyn ved alle handlinigar som vedkjem barn.

#### 41.2.2 Opplæringslova

Alle barn i grunnskolealder (som regel mellom 6 og 16 år) som oppheld seg i Noreg, har rett til grunnskoleopplæring uavhengig av om opphal-det i Noreg er lovleg eller ikkje. Dette følgjer av opplæringslova § 2-1 første ledd jamført med utsegne i forarbeida til lova, jf. Ot.prp. nr. 46 (1997–98), side 153. Unntak gjeld for barn som har kortvarig opphold i landet. Det inneber at retten til grunnskoleopplæring gjeld når det er sannsynleg at barnet skal vere i Noreg i meir enn tre månader i strekk.

Ungdom mellom 16 og 18 år som oppheld seg lovleg i Noreg i vente på å få avgjort ein søknad om opphaldsløyve, har rett til vidaregåande opplæring eller grunnskoleopplæring for vaksne når det er sannsynleg at ungdommen skal opphalde seg i Noreg i meir enn tre månader, jf. § 3-1 tolte ledd og § 4A-1 fjerde ledd. For dei som får avslag på søknaden om opphaldsløyve, gjeld retten til slik opplæring fram til dato for endeleg vedtak. Det betyr at retten til slik opplæring ikkje gjeld i perioden frå datoën for endeleg vedtak og fram til utreisefristen eller faktisk utreise.

Ungdom som ventar på å få avgjort ein søknad om opphaldsløyve, og som fyller 18 år i løpet av eit

skoleår, har rett til å fullføre påbyrja skoleår. Dette betyr at dersom ein ungdom fyller 18 år medan han går i vidaregåande trinn 2 (vg2), får han fullføre vg2. Dersom ungdommen er fødd på hausten og fyller 18 år etter å ha starta vg3, vil han få fullføre vg3, så lenge han ventar på avgjerd i utlendingssaka si.

Rettane til opplæring for dei som søker om opphaldsløyve, vart innførte i 2014. Før dette vart det gitt tilskot til grunnskoleopplæring for unge asylsøkjarar mellom 16 og 18 år, men utan at denne gruppa hadde ein lovfesta rett.

#### 41.2.3 Utlendingslova

Utlendingslova § 4 slår fast at utlendingar under det lovlege opphaldet sitt i Noreg har same rettar og pliktar som norske statsborgarar dersom ikkje anna følgjer av andre reglar. Det kjem fram av forarbeida til paragrafen, jf. Ot.prp. nr. 75 (2006–2007), at ho gir uttrykk for ei prinsipperklæring om rettsleg likestilling mellom utlendingar med lovleg opphold i Noreg og norske statsborgarar.

Utlendingslova § 90 sjette ledd slår fast at vedtak som inneber at ein utlending må forlate Noreg, blir sett i verk «ved at utlendingen pålegges å reise innen en fastsatt frist», normalt på mellom 7 og 30 dagar. Utlendingen pliktar då å forlate Noreg frivillig innan utlopet av utreisefristen. Dersom utlendingen ikkje reiser frivillig innan fristen, kan politiet føre utlendingen ut av landet. I § 90 åttande ledd i lova står det at utsending av ein einsleg mindreårig berre skal skje til ein familie-medlem, utnemnd verje eller til eit anna forsvarleg omsorgstilbod.

Når det gjeld formålet med utreisefristen, blir det vist til høyringsfråsegnar frå Justis- og beredskapsdepartementet til høyringa av opplæringslovutvalets NOU, der det står:

Utlendingar som har fått endelig avslag på søknad om opphold, har en plikt til å forlate Norge. Tiden mellom endelig avslag på asylsøknad og utreisefrist er normalt tre uker. I løpet av denne perioden er det lagt opp til at utlendingen skal få mulighet til å overholde vedtaket ved å reise «frivillig» tilbake til hjemlandet, enten på egen hånd eller gjennom ordningen for assistert retur. Utlendingsforvaltningens grunnleggende returarbeid er innrettet mot dette, herunder også ordningen for assistert retur. Dersom man for eksempel søker om assistert retur før utreisefristen, får man mer økonomisk

støtte enn om man søker etter utreisefristen, og det er særskilte ordninger for enslige mindreårige og familier. Etter utreisefristen oppholder man seg i Norge ulovlig og risikerer å bli uttransportert av politiet.

### 41.3 Høyringsforslaget

Departementet foreslo

- å vidareføre dagens forståing om at rett til opplæring for barn i grunnskolealder gjeld uavhengig av om barnet eller foreldra har lovleg opphold
- å vidareføre retten til vidaregående opplæring for ungdom og førebuande opplæring for vaksne for dei som søker om opphaldsløyve, og at dei som får avslag på søknaden, beheld retten fram til tidspunktet for endeleg vedtak om avslag
- å endre tidspunktet for når ungdom som søker om opphaldsløyve, mistar rett til opplæring pga. alder. Forslaget inneber at dei som søker om opphaldsløyve i Noreg, skal få rett til vidaregående opplæring for ungdom og førebuande opplæring for vaksne ut det skoleåret som byrjar det kalenderåret dei fyller 18 år

Med dette høyringsforslaget følgde departementet delvis opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 25. Utvalet foreslo å utvide retten til opplæring fram til faktisk utreisetidspunkt for dei som får avslag på søknad om opphaldsløyve.

### 41.4 Høyringsinstansanes syn

#### 41.4.1 Rett til grunnskoleopplæring for barn i grunnskolealder

Ingen høyringsinstansar uttalte seg mot å vidareføre dagens forståing om at retten til opplæring for barn i grunnskolealder skal gjelde uavhengig av om barnet eller foreldra har lovleg opphold.

#### 41.4.2 Rett til opplæring for ungdom mellom 16 og 18 år

##### 41.4.2.1 Rett til opplæring for ungdom mellom 16 og 18 år som søker om opphaldsløyve

Ingen høyringsinstansar har uttalt seg mot å vidareføre ein rett til opplæring for ungdom mellom 16 og 18 år som søker om opphaldsløyve.

**41.4.2.2 Kor lenge retten til opplæring skal være for ungdom mellom 16 og 18 år som får endeleg avslag på søknad om opphaldsløyve**

Rundt 20 høyringsinstansar har uttalt seg om høyringsforslaget om å vidareføre at retten til opplæring varer fram til dato for endeleg avslag på søknad om opphaldsløyve. Forslaget blir støtta av *Møre og Romsdal fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune, Viken fylkeskommune, Vestfold og Telemark fylkeskommune og Oslo kommune*.

Fleire av høyringsinstansane støttar ikkje høyringsforslaget, men ønskjer heller at retten til opplæring skal gjelde heilt fram til faktisk utreisetidspunkt, i tråd med forslaget frå opplæringslovutvalet. Dei som ønskjer dette, er *Barneombodet, Statsforvaltaren i innlandet, Vestland fylkeskommune, Utdanningsforbundet, Nordland Venstre, Elevorganisasjonen, Redd barna, UNICEF Norge, IKO – Kirkelig pedagogisk senter og Kirkerådet*. Fleire av desse argumenterer med at det beste for barnet bør gå føre innvandringsregulerande omsyn.

Enkelte av dei som heller ønskjer forslaget frå opplæringslovutvalet, viser til Noregs internasjonale og folkerettslege forpliktingar. *Redd Barna* framhevar behovet barna har for opplæring, og meiner at rett til opplæring fram til faktisk utreisefrist vil vere i tråd med barnekonvensjonen art. 28. *Elevorganisasjonen* peikar mellom anna på at barnekonvensjonen stadfestar at utdanning er ein universell rett. Organisasjonen peikar også på at det å hindre personar som ikkje får returnert som føresett, å halde fram med opplæring, skaper psykososiale utfordringar og kan hindre dei i å halde fram med opplæringa i heimlandet.

*Norges Institusjon for menneskerettigheter* (NIM) tek ikkje direkte stilling til om dei støttar departementets forslag, men skriv mellom anna følgjande:

Etter NIMs oppfatning vil det å ikke tilby vide-regående opplæring for ungdom mellom 16 og 18 år som ikke har lovlig opphold, og hvor utreisefristen har utløpt, kunne utgjøre en ulovlig forskjellsbehandling etter barnekonvensjonen samt EMK TP1-2 jf. artikkel 14. Rettskildene gir imidlertid ikke noe entydig svar på spørsmålet, slik departementet også er inne på. NIM mener at i den grad internasjonale forpliktelser er uklare bør ikke denne uklarheten gå utover de mindreåriges adgang til opplæring, jf. også prinsippet om barnets beste i barnekonvensjonen artikkel 3.

*Utdanningsforbundet* meiner at ungdom utan opphaldsløyve har rett til vidaregåande opplæring på grunnlag av barnekonvensjonen art. 28 første ledd bokstav a. Organisasjonen peikar vidare på at barnekomiteen uttrykkjeleg har bede Noreg om å sikre at lovene våre samsvarer med dei forpliktin-gane Noreg har etter barnekonvensjonen, og meiner departementets forslag burde gått lengre.

*Utlendingsdirektoratet* (UDI) tek ikkje direkte stilling til om det støttar departementets forslag, men har enkelte innvendingar til vurderinga og vektinga departementet gjer av dei innvandrings-regulerande omsyna. *UDI* påpeikar at det er lite forsking på feltet, og at innspela derfor er baserte på erfaringar over tid i returarbeidet og forsking som er borti tema, men som ikkje direkte er knytt til retten til opplæring etter avslag. *UDI* skriv mellom anna følgjande i si vurdering:

Vi mener det er viktig at et avslag på søknaden om oppholdstillatelse markeres med ulike tiltak. Slike tiltak kan være tap av rettigheter. For eksempel gjør vi et skille i tilskudd til assistert retur etter hvorvidt personene søker før eller etter utreisefrist. Det er også en rekke andre slike tiltak. Vi kan derfor anta at en fortsatt rett til skolegang etter utreisefrist, på lik linje med før utreisefrist, ikke vil gi vedkommende et inntrykk av at personen har fått en endret status i Norge og har en plikt til å forlate landet. Sånn sett kan det påvirke retunarbeidet negativt og anses som returhemmende.

På den andre sida peikar *UDI* på at det, ut frå erfaringa si med retunarbeidet, veit at ungdom ønskjer å ha noko kompetanse (vitnemål, kursbevis el.) når dei kjem heim, som dei kan bruke vidare etter framkomsten i heimlandet. *UDI* meiner derfor at det å komme heim med ny kompetanse, kan vere ein motivasjonsfaktor i retunarbeidet og føre til ein større «aksept» frå familien for at ungdommen returnerer. *UDI* peikar også på at det å ta frå ungdommane retten til å gå på skole set dei i ein sårbar situasjon, som kan auke risikoen for at ungdommane forsvinn frå mottak og hamnar i kriminelle miljø. *UDI* viser til at departementet i høyringsnotatet påpeika at ungdom skal få tilbod på mottak, også etter utreisefristen, men at dette mottakstilbodet verken kan erstatta den verdien formell opplæring har for ungdommane ved retur, eller den sosiale tilhørselen ungdommane får med jamaldra i formell opplæring.

#### **41.4.3 Forslaget om å endre tidspunktet for opphør av rettar når ein passerer 18 år**

Omtrent 10 høyringsinstansar har uttalt seg om forslaget om å endre tidspunktet for opphør av rettar når ein passerer 18 år, og alle støttar det.

### **41.5 Departementets vurdering**

#### **41.5.1 Rett til grunnskoleopplæring for barn i grunnskolealder**

Departementet foreslår å vidareføre dagens forståing om at barn i grunnskolealder har rett til grunnskoleopplæring uavhengig av om barnet eller foreldra har lovleg opphold i landet.

#### **41.5.2 Rett til opplæring for ungdom mellom 16 og 18 år**

##### *41.5.2.1 Rett til opplæring for ungdom mellom 16 og 18 år som søker om opphaldsløyve*

Departementet foreslår å vidareføre reglane om at ungdom mellom 16 og 18 år som søker om opphaldsløyve, har rett til vidaregående opplæring for ungdom og førebuande opplæring for vaksne.

##### *41.5.2.2 Rett til opplæring for ungdom mellom 16 og 18 år som får endeleg avslag på søknad om opphaldsløyve*

###### *Dei rettslege rammene*

Enkelte høyringsinstansar meiner Noreg er folkerettsleg forplikta til å gi opplæring til ungdom som har fått endeleg avslag på søknad om opphaldsløyve, utan at høyringsinstansane gir noko detaljert grunngiving, utover å vise til generelle overordna reglar mellom anna i barnekonvensjonen og EMK.

Departementet meiner at verken barnekonvensjonen eller andre aktuelle rettskjelder gir noko eintydig svar på spørsmålet om eventuelle rettar til opplæring for dei mellom 16 og 18 år utan lovleg opphold. Dette er også i tråd med vurderingane i NOU 2019: 23 frå opplæringslovutvalet og vurderingane til departementet i høyringa. Norges institusjon for menneskerettigheter (NIM) har same vurdering av dette i høyringsinnspelet sitt.

###### *Det beste for barnet*

Departementet meiner som utgangspunkt at det vil vere til det beste for barnet å få formell opplæring, også etter eit vedtak om endeleg avslag på søknad om opphaldsløyve. Eit skoletilbod bidreg til ein meiningsfull aktivitet og kontakt med andre ungdommar. Særleg vil dette gjelde dei ungdommene som blir i Noreg i lengre tid etter vedtaksdato, utover utløpet av utreisefristen. Både dei ungdommene som seinare returnerer, og dei som blir i landet, vil ha ein fordel av formell opplæring i ventetida, framfor andre tilrettelagde tilbod ved mottaka, noko også UDI påpeikar i høyringsinnspelet sitt.

I vurderinga av det beste for barnet må det likevel også takast omsyn til meir enn tilgang på utdanning. Utvida rettar til opplæring kan påverke returarbeidet negativt. Til dømes kan omsorgspersonane til ungdommene i mindre grad vere vilige til å samarbeide om retur. Ein unødvendig lang periode i Noreg før retur kan vere ei ulempe for ungdommen. For einslege mindreårige utan beskyttelsesbehov kan det vere til det beste for barnet å bli foreinte med omsorgspersonane sine i heimlandet igjen, noko som kan påverkast negativt om omsorgspersonane ikkje vil samarbeide om retur. Vurderinga av det beste for barnet vil komme an på ei rekkje forhold, til dømes kvar den mindreårige kjem frå, omsorgspersonar i heimlandet, og korleis forholda elles er for den som blir returnert.

###### *Innvandringsregulerande omsyn*

Justis- og beredskapsdepartementet påpeika i høyringsfråsega si til NOU 2019: 23 frå opplæringslovutvalet at ei utviding av rettane fram til faktisk utreisetidspunkt kan påverke retunarbeidet negativt. Vidare skreiv Justis- og beredskapsdepartementet at utvida rettar kan vere eit insentiv for ikkje å etterleve endeleg avslagsvedtak og kan gjere Noreg til eit meir attraktivt destinasjonsland for personar utan beskyttelsesbehov fordi ein får gjennomført skolegang her.

Departementet meiner det kan gi uheldige signal dersom ungdom får rett til opplæring i ein periode dei har plikt til å forlate Noreg. Det er vaniskeleg å seie kva ei eventuell utviding av rettar har å seie for retunarbeidet til utlendingsstyresmakten, men departementet kan ikkje sjå bort frå at det har ein negativ innverknad. Departementet meiner det er uheldig å innføre rettar for denne gruppa ungdom dersom det kan bidra til å gjere

returarbeidet til utlendingsstyresmaktene vanskeleg.

Departementet viser til formålet med utreisefristen og gjer i tillegg merksam på at det at utlendingen skal forlate Noreg *innan* utløpet av utreisefristen, inneber at utlendingen ikkje nødvendigvis skal vere i Noreg heilt til utløpet av utreisefristen. Innan utløpet av utreisefristen skal utlendingen, eventuelt i samarbeid med omsorgspersonar, ha moglegheita til å ordne med det praktiske rundt avsluttinga av opphaldet i Noreg og reetableringa i heimlandet. Departementet meiner etter dette at å gi rett til formell opplæring i perioden frå dato for endeleg vedtak om avslag og fram til utreisefristen i ein viss grad kan seiast å gå på tvers av formålet med utreisefristen.

Opplæringslovutvalet foreslo å utvide retten til opplæring fram til faktisk utreisetidspunkt og la i si vurdering mellom anna vekt på at enkelte ungdommar med endeleg avslag på søknad om opphaldsløyve er ureturnerbare, og at dei dermed vil bli verande i Noreg også etter utløpet av utreisefristen. Justis- og beredskapsdepartementet har opplyst at det i utgangspunktet ikkje er nokon nasjonalitetar som ikkje kan returnere til heimlandet dersom utlendingen sjølv og omsorgspersonane samarbeider om retur. Det finst eit eige opphaldsgrunnlag ved praktiske hindringar for retur som utlendingen ikkje sjølv rår over, sjå utlendingsforskriften § 8-7. Paragrafen er ifølgje Justis- og beredskapsdepartementet lite brukt fordi alle vilkåra for slikt løyve sjeldan er oppfylte. Einslege mindreårige som ikkje har anna grunnlag for opphold enn at dei er utan forsvarleg omsorg ved retur, kan få eit tidsavgrensa opphaldsløyve fram til fylte 18 år, jf. utlendingsforskriften § 8-8. Sidan det finst eigne opphaldsgrunnlag for dei som ikkje kan returnere til heimlandet av årsaker dei ikkje sjølve har kontroll over, meiner departementet at rettane vil vere varetekne for fleire av dei aktuelle ungdommane. Departementet gjer i denne samanhengen merksam på at ungdom som får mellombels opphaldsløyve, anten denne er med eller utan avgrensingar, er omfatta av reglane i opplæringslova om rett til formell opplæring.

#### *Den samla vurderinga til departementet*

Sjølv om formell opplæring og utdanning er svært viktig for den enkelte, også for dei som skal returnere til heimlandet, meiner departementet at det er tenleg å vidareføre dagens regel om at retten til opplæring gjeld fram til tidspunktet for endeleg vedtak om avslag på søknad om opphaldsløyve.

Det å eventuelt utvide retten fram til faktisk utreisetidspunkt, slik opplæringslovutvalet foreslo, kan undergrave funksjonen til utreisefristen og bidra til å gjere rettarbeidet til styresmaktene vanskeleg. Sjølv om det er usikkert om, og eventuelt i kor stor grad, eit forslag om utvida rettar til denne gruppa kan gjere rettarbeidet vanskeleg, kan ikkje departementet sjå bort frå at det er ein mogleg konsekvens. Departementet legg også vekt på at ein uavklart situasjon i Noreg i vente på retur ikkje nødvendigvis er til det beste for barnet. Det er likevel viktig at unge i mottak uavhengig av opphaldsgrunnlag skal få eit aktivitetstilbod, sjølv om retten til formell opplæring ikkje lenger består. Vidare viser departementet til at dei fleste, uavhengig av nasjonalitet, kan returnere til heimlandet så lenge utlendingen og omsorgspersonane samarbeider. Verken barnekonvensjonen eller andre relevante rettskjelder oppstiller konkrete rettar til opplæring for dei mellom 16 og 18 år utan lovleg opphold i Noreg. Departementet legg til grunn at forslaget er i tråd med Noregs folkerettslege forpliktingar.

#### **41.5.3 Forslaget om å endre tidspunktet for opphøyr av rettar når ein passerer 18 år**

Departementet foreslår å gjere ei justering samanlikna med dagens reglar i når retten til opplæring for ungdom som har søkt om opphaldsløyve, stansar ved fylte 18 år.

Ungdom over 16 år som har lovleg opphold i kraft av å søkje om opphaldsløyve, har etter dagens reglar rett til opplæring fram til endeleg avslag på søknaden, men uansett ikkje lenger enn ut *inneverande skoleår* etter fylte 18 år. Dei som fyller 18 år mellom 1. januar og utløpet av skoleåret, har dermed rett til opplæring ut inneverande skoleår, men ikkje lenger. Dei som fyller 18 år mellom oppstart av nytt skoleår og fram til nyttår, har rett til opplæring ut skoleåret. Om ungdommen er fødd før eller etter sommarferien, kan dermed avgjere om hen har rett til å fullføre berre vidaregåande trinn (vg2) eller også vg3. Dette er ei forskjellsbehandling av ungdommar fødde i same kalenderår.

Departementet meiner det er rettferdig å likestille ungdom fødde i same kalenderår og at retten til opplæring derfor bør vare ut det skoleåret som startar det året ein fyller 18 år. Forslaget inneber berre ei mindre utviding frå dagens reglar. Det er berre dei som fyller 18 år i perioden mellom 1. januar og utløpet av skoleåret, som vil få rett til eitt år til med opplæring.

## **41.6 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å vidareføre dagens forståing om at rett til opplæring for barn i grunnskolealder gjeld uavhengig av om barnet eller foreldra har lovleg opphold, sjå merknadene til § 2-1 i forslaget
- å vidareføre rett til vidaregående opplæring for ungdom og førebuande opplæring for vaksne for dei som søker om opphaldsløyve, og at dei som får avslag på søknaden, beheld retten fram

til tidspunktet for endeleg vedtak om avslag, sjå forslaget til §§ 5-9 og 18-10

- å endre tidspunktet for når dei som søker om opphaldsløyve, mistar rett til opplæring pga. alder. Forslaget inneber at dei som søker om opphaldsløyve i Noreg, skal få rett til vidaregåande opplæring for ungdom og førebuande opplæring for vaksne ut det skoleåret som byrjar det kalenderåret dei fyller 18 år, sjå forslaget til §§ 5-9 og 18-10

## **42 Vidaregåande opplæring i bedrift**

### **42.1 Innleiing**

Dette punktet handlar om vidaregåande opplæring i bedrift.

Dei viktigaste reglane om opplæring i bedrift er omtalte i dette punktet. I tillegg blir praksiskandidatordninga omtalt i punkt 49 om privatist- og godkjenningsordningar. Sjå også omtalen av reguleringa av deltakinga til arbeidslivspartane i styringa av fag- og yrkesopplæringa i punkt 48 om utval, råd, læreplangrupper og klagenemnder som er utnemnde av staten. I tillegg handlar punkt 27 om pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), punkt 24 om tilpassa opplæring, punkt 25 om individuell tilrettelegging, punkt 26 om alternativ og supplerrande kommunikasjon og punkt 46 om karriererettleiing og rådgiving også om spørsmål som vedkjem dei som har læretid i bedrift.

Under kvart at temapunkta omtaler departementet gjeldande reglar, kva departementet foreslår i høyringa, synspunkt frå høyringsinstansane og vurderingane til departementet:

- Fellesnemningar i lova (punkt 42.2)
- Rett til læreplass eller eit anna opplæringstilbod (punkt 42.3)
- Godkjenning av lærebedrifter (punkt 42.4)
- Regulering av opplæringskontor (punkt 42.5)
- Internkontroll (punkt 42.6)
- Innverknaden yrkesopplæringsnemnda har i saker om godkjenning av lærebedrift (punkt 42.7)
- Pliktene til fylkeskommunen (punkt 42.8)
- Regulering av kontrakten om opplæring og av arbeidsavtalen (punkt 42.9)
- Individuell tilrettelegging (punkt 42.10)
- Ansiktsdekkjande plagg (punkt 42.11)

Stortinget vedtok i vedtak 1078 (2020–2021): «Stortinget ber regjeringen videreføre lovfesting av opplæringskontorene og godkjenning som lærebedrift, samt forsterke opplæringskontorenes funksjon som bindeledd mellom skolen og lærebedriftene».

### **42.2 Fellesnemningar i lova**

#### **42.2.1 Dagens reglar**

Opplæring i bedrift i fag- og yrkesopplæringa er i dag regulert i kapittel 4 i opplæringslova og i eigne kapittel i forskrift til opplæringslova. Paragrafer som gjeld for «elevar», gjeld ikkje for den som har opplæring i bedrift, med mindre det går særskilt fram av ordlyden. Når den som elles har læretid i bedrift, får opplæring i skole, gjeld reglane for elevar, jf. opplæringslova § 4-1 andre ledd. Det er derfor berre opplæringa i bedrift som er særregulert for fag- og yrkesopplæringa i kapittel 4.

Opplæringslova deler inn dei som får opplæring i bedrift, i fire ulike kandidattypar:

- lærlingar (avsluttar med fag- eller sveineprøve)
- kandidatar for fagbrev på jobb (avsluttar med fag- eller sveineprøve)
- praksisbrevkandidatar (avsluttar med standar-disert prøve på lågare nivå enn fag- og sveine-prøve)
- lærekandidatar (avsluttar med individuelt tilpassa prøve på lågare nivå enn fag- og sveine-prøve)

Alle desse har inngått kontrakt om opplæring i bedrift. Lova har inga fellesnemning for dei fire kandidattypane som får opplæring i bedrift, og heller ingen fellesnemningar for opplæringsordningar, kontraktar, sluttvurderingar eller dokumentasjon for dei fire. I tillegg til dei fire opplæringsordningane er det i dag også ei eiga godkjenningsordning som opnar for at ein kan gå opp til fag- og sveineprøven på grunnlag av allsidig praksis i faget (praksiskandidatordninga).

Systematikken i lova er slik at den enkelte paragrafen normalt nemner alle kandidattypane som er omfatta av paragrafen, og konkret omtaler dei enkelte ordningane, prøvane osv., sjå til dømes opplæringslova § 4-2.

## 42.2.2 Høyningsforslaget

I høyringa foreslo departementet

- å bruke den som skal ha læretid i bedrift og den som har læretid i bedrift som fellesnemning for alle som får fagopplæring i bedrift
- å bruke kontrakt om opplæring som fellesnemning for lærekontraktar, kontraktar om fagbrev på jobb og opplæringskontraktar
- å ikkje vidareføre regulering av dei ulike opplæringsordningane i lova, men at dette blir flytta til forskrift til opplæringslova
- å vidareføre at departementet kan gi forskrift om ulike opplæringsordningar for den vidaregåande opplæringa i bedrift

Med dette følgde departementet i hovudsak forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 29.5. Forskjellen er at opplæringslovutvalet foreslo å bruke ordet «lærling» i staden for «den som skal ha læretid i bedrift» og «den som har læretid i bedrift».

## 42.2.3 Høyningsinstansanes syn

*LO, Opplæringskontoret Innlandet og Utdanningsforbundet* er blant dei som støttar forslaget om å bruke fellesnemninga den som skal ha læretid i bedrift, og den som har læretid i bedrift. Desse meiner at bruk av slike fellesnemningar vil rydde opp og gjere lova meir lesarvennleg. Det er viktig at lova nemner alle kandidattypane, men bruker ei fellesnemning i reglar der det ikkje er forskjellar i rettar og plikter for dei ulike ordningane.

*Utdanningsforbundet* ønskjer å ikkje vidareføre regulering av innhaldet i dei ulike opplæringsordningane i lova, og at dette blir flytta til forskrift til opplæringslova.

Andre er kritiske til å innføre samleomgrepet og er redd for at dette vil vere med på å svekkje statusen til lærlingordninga og omgrepet lærling. *El og IT forbundet, NHO* og *Byggearringens Landsforening* er blant dei som er imot forslaget. Desse meiner at dagens § 4-1 som beskriv kven som er høvesvis lærling, praksisbrevkandidat, lærekandidat og kandidat for fagbrev på jobb, bør behaldast. Dette er omgrep som er godt innarbeidde i fagopplæringa, og som tydeleg skil dei ulike kandidatane og kompetanseoppnåinga deira frå kvarandre, og ikkje minst kva opplæringsløp dei følgjer. Av den grunn er det behov for å skilje mellom kandidatomgrepene.

Nokre høyningsinstansar foreslår at ein bruker «lærlingar og andre kandidatar».

Høyningsinsspela er delte i synet på forslaget om å bruke kontrakt om opplæring som fellesnemning for lærekontraktar. *LO, Utdanningsforbundet* og *Opplæringskontoret Innlandet* er blant dei som støttar forslaget. *Byggearringens Landsforening* og *NHO* er blant dei som er imot forslaget.

Svært få høyningsinstansar har uttalt seg om forslaget om å vidareføre at departementet kan gi forskrift om ulike opplæringsordningar for den vidaregåande opplæringa i bedrift. *Rogaland fylkeskommune, NHO* og *Byggearringens Landsforening* støttar forslaget. *Viken fylkeskommune* støttar ikkje forslaget og ønskjer at dei ulike opplæringsordningane, sluttprøvar og sluttkompetansar blir definerte i lova og ikkje i forskrift

## 42.2.4 Departementets vurdering

Departementet foreslår å bruke den som skal ha læretid i bedrift, og den som har læretid i bedrift, som fellesnemning for alle som får fagopplæring i bedrift. Ei fellesnemning for alle kandidattypar vil forenkle lova. Dagens systematikk der alle kandidattypar blir nemnde i alle paragrafane, skaper ein omfattande lovtekst som kan vere tung å lese.

Departementet foreslår av dei same grunnane å bruke kontrakt om opplæring som fellesnemning for lærekontrakt, opplæringskontrakt og kontrakt om fagbrev på jobb.

Departementet meiner samtidig at det er gode grunnar for å definere alle kandidattypar i lova. For det første vil det komme fram av lova at det er ulike opplæringsordningar, og lova kan på ein enkel og presis måte omtale rettar og plikter som ikkje gjeld for alle opplæringsordningar. For det andre vil lovregulering av kandidattypane bety at det er Stortinget som avgjer kva opplæringsordningar det skal vere i fag- og yrkesopplæringa. Eit alternativ til å definere ordningane i lova er å overlate definisjonane og all regulering av dei ulike kandidatordningane til forskrift. Sjølv om det er naturleg at det nærare innhaldet i dei ulike opplæringsordningane blir regulert i forskrift, kan det gi meir føreseielege vilkår for relevante aktørar at lova må endrast dersom ordningar skal fjernast eller nye leggjast til.

Departementet er samtidig samd med høyningsinstansane som påpeikar at lærling, praksisbrevkandidat, lærekandidat og kandidat for fagbrev på jobb er omgrep som er godt innarbeidde i fag- og yrkesopplæringa, og som tydeleg skil dei ulike kandidatane, opplæringsordningane og kompetanseoppnåinga deira frå kvarandre. Departementet vil derfor foreslå at lova definerer alle

kandidattypane, men bruker fellesnemning for alle kandidatar så lenge det ikkje er nødvendig å omtale rettar og plikter på ein meir presis måte.

Forslaget inneber ikkje at omgrepene «lærling» forsvinn, berre at det blir innført ei overordna fellesnemning for alle kandidattypar for å forenkle lova.

Departementet meiner det ikkje er tenleg å bruke lærling som fellesnemning for alle kandidattypar. Lærlingordninga har lange tradisjonar og er den klart mest brukte ordninga i dag. Lærling er den kandidattypen som er mest kjend, og som i størst grad gir assosiasjonar til fag- og yrkesopplæringa. Departementet meiner derfor det ikkje er tenleg å utvide innhaldet i lærlingnemninga. Det kan skape uklare reglar dersom lærling både brukast som fellesnemning og som nemning for kandidatar i lærlingordninga. Departementet foreslår i staden at lova bruker fellesnemningane den som skal ha læretid i bedrift og den som har læretid i bedrift. Nemningane er beskrivande for kven det er snakk om, og gjer det klart at det gjeld generelt, uavhengig av kva opplæringsordning den enkelte er inne i.

Forslaget inneber ikkje materielle endringar i ordningane. Dei fire ordningane for lærlingar, kandidatar for fagbrev på jobb, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar vil bestå.

Departementet foreslår, i tråd med høyningsforslaget, å vidareføre at departementet kan gi forskrift om ulike opplæringsordningar for den vidaregåande opplæringa i bedrift.

#### **42.2.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å definere dei ulike opplæringsordningane i bedrift i lova og i tillegg bruke «den som skal ha læretid i bedrift» og «den som har læretid i bedrift» som fellesnemning for alle som får fagopplæring i bedrift, sjå forslag til § 7-1 andre og fjerde ledd
- å bruke «kontrakt om opplæring» som fellesnemning for lærekontraktar, kontraktar om fagbrev på jobb og opplæringskontraktar, sjå forslag til §§ 7-2 og 7-3
- å vidareføre at departementet kan gi forskrift om dei ulike opplæringsordningane for den vidaregåande opplæringa i bedrift. sjå forslaget til § 7-1 femte ledd

### **42.3 Rett til læreplass eller eit anna opplæringsstilbod**

#### **42.3.1 Dagens reglar**

Fag- og yrkesopplæringa omfattar normalt to års opplæring i skole (vidaregåande trinn 1 (vg1) og vidaregåande trinn 2 (vg2)) og to års læretid i bedrift (vidaregåande trinn 3 (vg3)), der eit av åra i bedrift blir rekna som opplæring og eit som verdiskaping.

Fylkeskommunen har ansvar for å formidle opplæring i bedrift til søkerar med rett til opplæring.

Fylkeskommunen skal tilby opplæring i skole for elevar som ikkje får læreplass, jf. opplæringslova § 3-3 og forskrift til opplæringslova § 6A-6.

Innanfor dei yrkesfaglege utdanningsprogramma føreset dei fleste vg3-læreplanene opplæring i bedrift, men ingen har rett til læreplass.

Dagens reglar gir søkerar med rett til opplæring, men som ikkje har fått tilbod om læreplass, rett til inntak på eit vg3-tilbod som byggjer på vg2-programområdet som søkeren har gjennomført, jf. forskrift til opplæringslova § kapittel 6A. Fylkeskommunane skal tilby søkeren opplæring i skole dersom søkeren ønsker det, og dersom fylkeskommunen ikkje kan skaffe læreplass innan 1. september.

#### **42.3.2 Høyningsforslaget**

I høyringa foreslo departementet å innføre ein lov festa rett til læreplass eller eit anna opplæringsstilbod på vg3 som leier fram til fag- eller sveinebrev, og ein heimel til å gi forskrift om opplæringsstilboden til dei som ikkje får læreplass.

Med dette følgde departementet i hovudsak opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 29.5.

#### **42.3.3 Høyningsinstansanes syn**

Dei fleste høyningsinstansar som har uttalt seg, er samde i at å innføre ein lov festa rett til læreplass ikkje er tenleg eller mogleg å gjennomføre. Det er ikkje mogleg for staten å garantere at bedriftene har tilstrekkeleg med plassar til alle som søker.

Dei fleste støttar likevel at lova skal slå fast at dei som ikkje får læreplass, skal få eit anna opplæringsstilbod på vg3 som leier fram til fag- eller sveinebrev.

Mellom anna LO meiner eit slikt tilbod ikkje må bli ei sovepute opp mot rett dimensjoneering, rekruttering av læreplassar og formidling til

opplæring i bedrift, noko som er langt meir kostbart for fylkeskommunen. Dei meiner vidare at ein «rett til lærepass» bør tolkast slik at fylkeskommunen må jobbe meir målretta med å tilby lærepass når ein opprettar eit yrkesfagleg tilbod med lærerid i bedrift.

*Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark* støttar rett til lærepass eller eit anna opplæringstilbod på vg3 som leier fram til fag- eller sveineprøve, og uttaler mellom anna at:

Søkere til lærepass som ikke har fått lærekontrakt tilbys i Vestfold og Telemark 15 måneders opplæring i regi av skolen, med forventning om å bestå fagprøven. Lærlinger i bedrift har som hovedregel 24 måneder opplæring og verdiskapning før de skal avlegge fagprøven. Elever som får opplæring i vg3 i skole må sikres lik total opplærings- og verdiskapingstid før de går opp til fagprøve/kompetanseprøve. Dette vil sikre mer likeverdig opplæring.

*Likestillings- og diskrimineringsombodet* er bekymra for at fleire elevar står utan lærepass. Dei viser til at ungdomsgruppa utan plass blir kjenneteikna av låge karakterar og høgt fråvær, og at menn med innvandrarbakgrunn er overrepresenterte. Vidare blir det vist til at gutar som har foreldre utan utdanning, har ei dobbelt ulempe og viser seg spesielt sårbar for dårlige sosioøkonomiske forhold. Ombodet er bekymra for at dette på sikt kan skape ein underklasse av menn som ikkje er integrerte i samfunnet gjennom jobb og familieliv. Ombodet meiner at eit tiltak for å bøte på dette kan vere at det blir innført ein lovfesta rett til lærepass for alle elevar som fullfører vg2 yrkesfag.

#### 42.3.4 Departementets vurdering

Departementet foreslår at søkerar som oppfyller vilkåra for å bli formidla til lærerid i bedrift, skal ha rett til lærepass. Dersom fylkeskommunen likevel ikkje kan gi søkeren tilbod om lærepass, skal søkeren ha rett til eit anna opplæringstilbod på vg3 bygd på det programområdet han har gjennomført på vg2.

Forslaget er i hovudsak ei vidareføring av dagens reglar, men gjer tydeleg i lova at lærepass er målet, og at elevar som ikkje får lærepass, også er sikra progresjon i det yrkesfaglege opplæringsløpet.

Departementet vil understreke viktigheita av å skaffe lærepass i bedrift til så mange søkerar med rett til opplæring som mogleg. Departemen-

tet er samtidig samd med høyningsinstansane i at det ikkje er mogleg for staten å innføre ein rett til lærepass absolutt utan vilkår. Tilgang til lærepassar er noko verken staten eller fylkeskommunane kan garantere. Forslaget er heller ikkje meint å innebere ein absolutt rett til lærepass, men ein rett som kan oppfyllast med lærepass eller, der det ikkje er mogleg, med eit anna opplæringstilbod på vidaregåande trinn 3 som leier fram til fag- eller sveinebrev.

Departementet understrekar likevel at forslaget bør tolkast slik at fylkeskommunen må jobbe meir målretta med å tilby lærepass når ein opprettar eit yrkesfagleg tilbod med lærerid i bedrift. Departementet er samd med LO i at eit alternativt tilbod ikkje må bli ei «sovepute» sett opp mot rett dimensjonering, rekruttering av lærepassar og formidling til opplæring i bedrift, noko som kan vere meir kostbart for fylkeskommunen. Eit av måla med forslaget er å skaffe lærepass i bedrift til så mange søkerar som mogleg. Forslaget inneber ikkje at alternative opplæringstilbod skal framhevest på kostnad av å skaffe lærepassar i bedriftene. Departementet er samd i at eit alternativt opplæringstilbod i regi av fylkeskommunane ikkje vil bli det same som tilbod om ein lærepass i bedrift.

Sjølv om målsetjinga er å skaffe lærepass i bedrift til så mange søkerar med rett til opplæring som mogleg, er det likevel viktig at det alternative opplæringstilbodet også er så godt som mogleg. I dag er overgangen frå vidaregåande trinn 2 (vg2) til lærerida eit strukturelt hinder for mange elevar i fag- og yrkesopplæringa, jf. Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. Medan elevar på studieførebuande utdanningsprogram blir tekne inn til eit samanhengande treårig løp, er ungdommar i fag- og yrkesopplæringa avhengige av å bli valde ut av ei bedrift frå vg2. Eit av måla med lovforslaget er å gjere tydeleg for dei som vel yrkesfag, at dei skal få gjennomføre ei meir heilskapleg og samanhengande opplæringsordning enn dei får i dag. Dette er viktig for å nå målet om god rekruttering til yrkesfag og fleire utdanna fagarbeidarar.

I Meld. St. 21 (2020–2021) blir det trekt fram at kunnskapsgrunnlaget om dagens vg3 i skole har vesentlege manglar når det gjeld kor lenge tilboden varer, at det kjem sein i gang på hausten, og korleis det blir organisert. I oppmodingsvedtak 1070 frå 1. juni 2021 ber Stortinget om at regjeringa, i samarbeid med partane, konkretiserer nærare forbetringar av vg3 i skole. Departementet vil følgje opp dette gjennom dialog med partane i arbeidslivet og fylkeskommunane mfl. for å sikre

at opplæringstilbodet for dei som ikkje får lære-plass, blir forbetra.

Departementet ser særleg alvorleg på at fleire tilbod om vg3 i skole kjem seit i gang, nokon så seit som i november. Elevar som står utan lære-plass, får dermed eit lengre opphold i det yrkesfaglege opplæringsløpet, som kan gi auka risiko for fråfall. Noko av årsaka til sein oppstart kan vere dagens formulering i forskrift § 6A-6 som seier at fylkeskommunen må gi tilbod om vg3 i skole dersom ein ikkje har lykkast med å bli formidla til lærepllass innan 1. september. Ein del fylkeskommunar ventar dermed til etter denne fristen før det blir planlagt og oppretta eit tilbod til elevar utan lærepllass. Departementet ser det slik at det bør gjerast noko med dette.

Departementet har merka seg diskusjonen rundt bruken av nemninga likeverdig tilbod. I Innst. 585 S. (2020–2021) blir det peika på at nemninga i enkelte samanhengar blir forstått som «likt», og at det ikkje er rett å likestille dei to typane tilbod. Departementet er samd i at eit opplæringstilbod i regi av fylkeskommunane ikkje vil bli det same som tilbod om ein lærepllass. For å unngå slike misforståingar foreslår departementet ei anna nemning enn likeverdig tilbod.

I dagens reglar i opplæringslova § 3-3 femte ledd står det at bedriftsdelen av opplæringa for dei som ikkje får lærepllass, skal «skje i skole». Departementet meiner at uttrykket «i skole» ikkje bør førast vidare fordi dette kan gi eit skeivt bilet av kva det alternativet opplæringstilbodet for dei som ikkje får lærepllass, skal omfatte.

Departementet meiner at lova bør slå fast at dei som ikkje får lærepllass, skal få eit anna opplæringstilbod på vg3 som leier fram til fag- eller sveinebrev. Forslaget til formulering er eit «anna opplæringstilbod på vidaregåande trinn 3 som byggjer på det programområdet søkeren har gjennomført på vidaregåande trinn 2».

Det er fylkeskommunane som skal vere ansvarlege for opplæringstilbodet. Både dei som blir formidla til lærepllass, og dei som skal få andre opplæringstilbod, må oppfylle vilkåra for inntak til vidaregåande trinn 3. Vilkåra for inntak skal som i dag følgje av reglane i forskrifter om inntak og formidling.

Departementet foreslår også ein heimel til å gi forskrift om opplæringstilbodet til dei som ikkje får lærepllass, som eit ledd i å forbetre tilbodet. Dette mellom anna for å sikre tidleg oppstart av tilbodet til dei som ikkje får lærepllass.

### 42.3.5 Departementets forslag

Departementet foreslår

- at søkerar som oppfyller vilkåra for å bli formidla til læretid i bedrift, skal ha rett til lærepllass. Dersom fylkeskommunen likevel ikkje kan gi søkeren tilbod om lærepllass, har søkeren rett til eit anna opplæringstilbod på vidaregåande trinn 3 bygd på det programområdet han har gjennomført på vidaregåande trinn 2. Sjå forslaget til § 5-6
- ein heimel til å gi forskrift om opplæringstilbodet til dei som ikkje får lærepllass. Sjå forslaget til § 5-6 tredje punktum

## 42.4 Godkjenning av lærebedrifter, og lærebedriftenes ansvar for opplæringa

### 42.4.1 Dagens reglar

Bedrifter som tek på seg å gi vidaregåande opplæring, må vere godkjende som lærebedrift av fylkeskommunane, jf. opplæringslova § 4-3 første ledd. § 4-3 tredje ledd fastset tre overordna vilkår for å kunne godkjennast som lærebedrift. Lærebedrifta må

- vere i stand til å gi opplæring i samsvar med læreplanar i fag,
- ha ein eller fleire tilsette som er fagleg kvalifisert, og
- ha ein eller fleire tilsette som kan ha rolla som instruktør for den som skal ha læretid i bedifta.

Lærebedrifta skal ha intern kvalitetssikring for å sikre at opplæringa er i samsvar med opplæringslova og forskrift til opplæringslova, jf. § 4-7. Det står vidare i paragrafen at éin eller fleire representantar for arbeidstakarane saman med den faglege leiaren jamleg skal kontrollere at lærebedrifta oppfyller krava i lov og forskrift.

Lærebedriftene skal leggje produksjonen og opplæringa til rette slik at opplæringsmåla kan nåast, jf. § 4-4 første ledd. Ifølgje forarbeida til lova er det ein føresetnad for godkjenning som lærebedrift at ein kan gi opplæring i heile læreplanen. Enkeltbedrifter som ikkje kan stå for dette aleine, må samarbeide gjennom eit opplæringskontor eller ein opplæringsring. Der lærebedrifta er eit opplæringskontor eller ein opplæringsring, skal bedriftene som samarbeider, dokumentere at dei samla tilfredsstiller krava om innhaldet i opplæringa, jf. § 4-3 tredje ledd.

Opplæringslova § 4-3 fjerde ledd gir departementet heimel til å gi forskrift om vilkår for godkjenning av lærebedrifter og tap av godkjenning. Dette er gjort i forskriftena kapittel 11. Godkjende lærebedrifter får tilskot til opplæringa frå fylkeskommunen etter forskrifter gitt av departementet. jf. § 4-4 femte ledd.

Når det gjeld lærebedriftene sitt ansvar for opplæringa, skal lærebedriftene lage ein plan som sikrar at opplæringa tilfredsstiller krava i læreplanen, eventuelt den individuelle opplæringsplanen, sjå § 4-4 første ledd. Lærebedrifter som ikkje lenger kan gi opplæring i samsvar med kontrakten, skal melde frå til fylkeskommunen, sjå § 4-4 fjerde ledd. Lærebedriftene har også plikt til å skape eit godt arbeids- og læringsmiljø. jf. § 4-4 andre ledd.

#### **42.4.2 Høyringsforslaget**

I høyringa foreslo departementet

- å vidareføre krav om at lærebedrifter skal godkjennast, men at det ikkje skal vere krav om å godkjenne bedriftssamarbeid
- å flytte reglane om tap av godkjenning som lærebedrift frå forskrift til opplæringslova

Med dette høyringsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 29.5.

#### **42.4.3 Høyringsinstansanes syn**

Dei få høyringsinstansane som har uttalt seg om forslaga som gjeld godkjenning av lærebedrifter, støttar i all hovudsak forslaga.

#### **42.4.4 Departementets vurdering**

Departementet foreslår å vidareføre dei tre overordna vilkåra for å kunne godkjennast som lærebedrift. Lærebedrifa må vere i stand til å gi opplæring i samsvar med læreplanar i fag, ha ein eller fleire tilsette som er fagleg kvalifiserte, og ha ein eller fleire tilsette som kan ha rolla som instruktør for den som skal ha læretid i bedrifta.

I dag kan bedrifter godkjennast som lærebedrift sjølv om dei ikkje kan gi alle delane av opplæringa aleine.

Departementet foreslår å vidareføre regelen om at ei bedrift kan godkjennast som lærebedrift sjølv om bedrifta ikkje kan stå for all opplæringa aleine. Lærebedrifa kan framleis gi all opplæringa sjølv, eller ho kan oppfylle kravet ved avtale om at (mindre) delar av opplæringa skal skje i ei anna lærebedrift. Ordninga kan bidra til at fleire bedrif-

ter vel å søkje godkjenning som lærebedrift. Godkjenninga vil, som i dag, gjelde dei delane av opplæringa bedriften har godtgjort at han kan stå for.

Til liks med opplæringslovutvalet meiner departementet at det ikkje er nødvendig å krevje ei eiga godkjenning av samarbeidet mellom to eller fleire lærebedrifter. Dersom alle bedriftene i samarbeidet er godkjende som lærebedrifter kvar for seg, er det unødvendig å krevje ei eiga godkjenning av samarbeidet. Det bør vere tilstrekkeleg at lova krev at det kjem fram av den godkjende kontrakten om opplæring kven som har ansvaret for dei ulike delane av opplæringa, jf. forslaget til § 7-2 første ledd andre punktum.

Departementet foreslår at lærebedrifter skal godkjennast, men at det ikkje skal vere krav om å godkjenne bedriftssamarbeid.

Departementet foreslår vidare ein forskriftsheimel i forslaget til § 7-6, for ei nærmare regulering av samarbeid mellom lærebedrifter.

Departementet foreslår også å vidareføre at godkjende lærebedrifter får tilskot til opplæringa frå fylkeskommunen.

I dag er reglane om tilbaketreking av godkjenning fastsette i forskrift til opplæringslova. Etter vurderinga til departementet høyrer desse reglane naturleg saman med reglane om oppfølginga frå fylkeskommunen. Departementet foreslår derfor å flytte reglane om tap av godkjenning frå forskriftena og til opplæringslova. Reglane om tap av godkjenning inneber mellom anna at etter ei fagleg vurdering i yrkesopplæringsnemnda kan fylkeskommunen trekke tilbake godkjenninga som lærebedrift dersom lærebedrifta ikkje lenger oppfyller krava. Fylkeskommunen skal legge avgjerande vekt på den faglege vurderinga frå yrkesopplæringsnemnda. Godkjenninga som lærebedrift fell bort to år etter at den siste kontrakten om opplæring er avslutta.

Når det gjeld lærebedriftene sitt ansvar for opplæringa, foreslår departementet å vidareføre at lærebedriftene skal lage ein plan som sikrar at opplæringa er i samsvar med kontraktane til dei som har læretid i bedrifta. Lærebedrifter som ikkje lenger kan gi opplæring i samsvar med kontrakten, skal, som i dag, melde frå til fylkeskommunen. Departementet foreslår også å vidareføre lærebedriftene sin plikt til å skape eit godt arbeids- og læringsmiljø.

#### **42.4.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å vidareføre krav om at lærebedrifter skal godkjennast, men at det ikkje skal vere krav om å godkjenne bedriftssamarbeid, sjå forslaget til §§ 7-5 og 7-6
- å vidareføre at godkjende lærebedrifter får tilskot til opplæringa frå fylkeskommunen, sjå forslaget til § 7-8
- å flytte reglane om tap av godkjenning som lærebedrift frå forskrift til opplæringslova, sjå forslaga til § 7-9 andre, tredje og fjerde ledd
- å vidareføre at lærebedriftene skal lage ein plan som sikrar at opplæringa er i samsvar med kontraktane til dei som har lærereti i bedrifta. Lærebedrifter som ikkje lenger kan gi opplæring i samsvar med kontrakten, skal melde frå til fylkeskommunen, sjå forslaget til § 7-10 første og tredje ledd
- å vidareføre at lærebedriftene skal skape eit godt arbeids- og læringsmiljø, sjå forslaget til § 7-10 andre ledd

## 42.5 Regulering av opplæringskontor

### 42.5.1 Dagens reglar

Bedrifter som tek på seg å gi vidaregåande opplæring, må vere godkjende som lærebedrift av fylkeskommunane, jf. opplæringslova § 4-3 første ledd. Fylkeskommunane kan også godkjenne «organ for samarbeid mellom bedrifter som i fellesskap tek på seg opplæringsansvar». Det vil seie at eit opplæringskontor eller ein opplæringsring kan godkjennast som lærebedrift. Reglane for lærebedrifter gjeld då tilsvarende for opplæringskontora.

For at eit opplæringskontor eller ein opplæringsring skal bli godkjent som lærebedrift, må dei enkelte bedriftene som inngår i kontoret eller ringen, vere godkjende av fylkeskommunane, jf. § 4-3 andre ledd. Dei underliggende bedriftene blir ikkje rekna som lærebedrifter når dei samarbeider gjennom eit opplæringskontor, men som medlemsbedrifter i opplæringskontora, sjå Ot.prp. nr. 41 (2006–2007). Medlemsbedrifter er ikkje regulerte utover kravet i lova om at desse må godkjennast og slik oppfylle kravet lova har til lærebedrifter.

Før fylkeskommunane godkjener ei lærebedrift og medlemsbedrift i opplæringskontor/-ring, skal yrkesopplæringsnemnda vurdere dei fagleg og fylkeskommunane skal leggje avgjerande vekt på denne vurderinga før det blir gjort vedtak, jf. første ledd. Både dei enkelte medlemsbedriftene og opplæringskontoret må vurderast av yrkesopp-

læringsnemnda og godkjennast av fylkeskommunane.

### 42.5.2 Høyningsforslaget

I høyringa foreslo departementet

- å anten vidareføre ei regulering av opplæringskontor som lærebedrift, slik at kontrakt om opplæring blir teikna med opplæringskontoret og læringskontoret som utgangspunkt blir fordelt til opplæringskontoret, eller å regulere opplæringskontor som noko anna enn lærebedrift
- å innføre ein heimel til å gi nærmere reglar om opplæringskontor i forskrift

Med dette høyningsforslaget følgde departementet delvis opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 29.5. Utvalet foreslo at opplæringskontor ikkje blir regulerte i opplæringslova og dermed heller ikkje kan godkjennast som lærebedrift.

### 42.5.3 Høyningsinstansanes syn

Fleire av dei mindre opplæringskontora ønskjer at opplæringskontor skal ta på seg opplæringsansvar saman med medlemsbedriftene sine, og at kontrakt om opplæring blir teikna med den som har lærereti i bedrift og opplæringskontor som partar. *Opplæringskontorenes landsforbund (OKL)* er tydelege på at opplæringskontora må vere klart definerte i opplæringslova. Opplæringskontora må etter OKLs oppfatning vere ein part i kontraktane om opplæring anten som godkjend lærebedrift eller som ansvarlege leiarar. Det blir vist til at der som opplæringskontora ikkje blir definerte med eit opplæringsansvar, risikerer ein at mange små- og mellomstore bedrifter ikkje vil ta på seg dette ansvaret sjølv. Det kan gi færre læreplassar og færre læringsarenaer for mellom anna dei tradisjonelle handverksfaga. I verste fall vil viktig fagkompetanse og tradisjonar gå tapt. Utan det formelle opplæringsansvaret kan opplæringskontora miste den rolla dei i dag har, som får medlemsbedriftene til å forplikte til eit felles opplæringsansvar, ikkje berre eiga bedrift. Enkelte høyningsinstansar foreslår at opplæringskontora blir regulerte som i den no oppheva lova om fagopplæring i arbeidslivet (LOV-1980-05-23-13), og har følgjande forslag til lovfesta definisjon av opplæringskontor:

Opplæringskontor er et samarbeidsorgan som påtar seg opplæringsansvar sammen med sine medlemsbedrifter. Lærekontrakten tegnes

med lærling og opplæringskontor som parter. Opplæringskontorets læringer får opplæring i en medlemsbedrift eller i perioder i forskjellige medlemsbedrifter. Opplæringskontoret og hver medlemsbedrift i et opplæringskontor må være godkjent lærebedrift.

Enkelte større opplæringskontor meiner at opplæringskontora ikke bør ha ansvaret for opplæringa. Nokre påpeiker at det i utgangspunktet bør stillast ulike krav til den verksemda som står for opplæringa (medlemsbedrifa), og til den som administrerer medlemsbedriftene (opplæringskontoret). Dette gjeld til dømes krava til fagleg aktivitet og krava til organisering og under dette kravet om instruktørar. Det blir påpeika at nokre opplæringskontor administrerer og gjennomfører kurs og teoriundervisning for dei som har opplæring i bedrift, og at dette kan gjerast utan å vere avtalepart i kontrakten om opplæring.

*LO* meiner at opplæringskontor ikke bør regulerast som lærebedrifter, men som einingar for samarbeid mellom lærebedrifter, som må godkjennast av yrkesopplæringsnemnda og fylkeskommunen. *LO* meiner følgjande kriterium, som opplæringskontora vanlegvis ikke oppfyller, må stillast til lærebedrifter for godkjenninng:

- Bedriften må ha egen produksjon i lærefaget det skal gis opplæring i.
- Bedriften må ha ansatte med kompetanse i lærefaget i rollen som instruktør/veileder i den daglige opplæringen.
- Arbeidsgiver må ha kvalifiserte personer og kompetanse som gjør at bedriften/virksomheten kan innfri kravene som stilles til opplæring i bedrift og til arbeidsgiveransvaret.
- Bedriften må ha oppnevnt en representant fra de ansatte som skal føre tilsyn med at opplæringen gis i tråd med kravene i læreplanene og vurdering underveis. *LO* er opptatt av at lærer tilskuddet skal komme de som har opplæring i bedrift til gode. Det vil si at fylkeskommunen må stille krav til lærebedrifter som mottar lærer tilskudd og opplæringskontor som har avtale om å fordele lærer tilskudd.

*NHO* foreslår ei hybridløysing mellom dei to forslaga, der opplæringskontora blir definerte som samarbeidsorgan som tek på seg opplæringsansvar, eigde av medlemsbedrifter. Vidare bør opplæringskontora vere eigne rettssubjekt. Dei meiner at kontrakten om opplæring må kunne teiknast av opplæringskontora.

#### 42.5.4 Departementets vurdering

I samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden* vedtok Stortinget i vedtak 1078 (2020–2021): «Stortinget ber regjeringen videreføre lovfesting av opplæringskontorene og godkjenninng som lærebedrift, samt forsterke opplæringskontorenes funksjon som bindeledd mellom skolen og lærebedriftene». Departementet følgjer med dette lovforslaget opp den delen av Stortingets vedtak som handlar om at opplæringskontor framleis skal være lovregulert.

Med utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget, mellom anna Proba-rapporten om rolla og finansieringa til opplæringskontora (2016) og innspel frå høyringsinstansane, kan ikke departementet sjå at det er ein felles praksis for kva ansvar og kva oppgåver opplæringskontor har i dag. Opplæringskontora er ikke ei homogen gruppe, og kunnskapsgrunnlaget viser til dels store variasjoner i kva oppgåver som ligg hos medlemsbedrifa, og kva for nokre av dei som ligg hos opplæringskontoret. Sidan opplæringskontora er så ulike og verkar så ulikt, kan ei nærmare regulering innebere ei lite tenleg avgrensing av oppgåver for nokre opplæringskontor og ei utviding av oppgåvene for andre.

Dagens reglar seier at dei som har lærerid i bedrift skal inngå arbeidsavtale med «den bedrifta dei [...] er plasserte i» og kontrakt om opplæring med «lærebedrifta». I praksis blir arbeidsavtalen ofte inngått med medlemsbedrifa der den som har lærerid i bedrift jobbar, og kontrakt om opplæring med opplæringskontoret. Dette inneber at den som har lærerid i bedrift er underlagd instruksjon frå to ulike avtalepartar i arbeidstida. Denne ordninga bryt med prinsippet om at kontrakt om opplæring og arbeidskontrakt har same partar.

Som utgangspunkt meiner departementet at oppgåver og ansvar som knyter seg direkte til opplæringa og til arbeidsforholdet, bør ligge hos bedrifta der den som skal ha lærerid i bedrift får opplæring. Departementet meiner vidare at den som har ansvaret for opplæringa, også bør ha ansvaret for å oppfylle reglane knyttet til opplæring, mellom anna reglane om vurdering.

Etter dagens reglar blir opplæringskontor rekna som lærebedrifter, men det er fleire av reglane om rettane og pliktene til lærebedrifta som ikke passar for opplæringskontor. Mange av desse rettane og pliktene blir utøvd av medlemsbedriftene. I praksis er lærebedrifter og opplæringskontor ofte to ulike typar verksemder. Både kunnskapsgrunnlaget og innspela i høyringa viser

at det på fleire område er lite samsvar mellom kart og terreng i dagens praksis og regulering av opplæringskontora. Departementet ser at det kan oppstå uklarleik om ansvara og oppgåvene til opplæringskontora etter dagens reglar. Misforholdet mellom kart og terreng bør etter vurderinga til departementet korrigerast gjennom ei klargjering av rolla og oppgåvene til opplæringskontora, ved at opplæringskontor blir regulerte i opplæringslova som samarbeidsorgan for lærebedrifter.

Konsekvensen av at opplæringskontora blir regulerte som noko anna enn lærebedrift, er at ei medlemsbedrift som utgangspunkt vil vere regulert som kva lærebedrift som helst. Kva dei kan overlate til opplæringskontora og samarbeide med desse om, vil avhenge av avtale og eventuelle avgrensingar i forskrift. Utgangspunktet vil vere at begge kontraktar blir inngått med lærebedrifta, med mindre anna er tillate etter forskrifta, og lærebedrifta har inngått avtale med opplæringskontor om det. Departementet meiner at lærebedrifta som utgangspunkt må kunne gi opplæring i samsvar med læreplanar i lærefaget. Lærebedrifta kan framleis gi all opplæringa sjølv, eller ho kan oppfylle kravet ved avtale om at delar av opplæringa skal skje i ei anna lærebedrift. Dette kan bidra til at fleire bedrifter velger å søke godkjenning som lærebedrift. Dersom alle bedriftene i samarbeidet er godkjende som lærebedrifter kvar for seg, er det unødvendig å kreve ei eiga godkjenning av samarbeidet. Det bør vere tilstrekkeleg at lova krev at det kjem fram av den godkjende kontrakten om opplæring kven som har ansvaret for dei ulike delane av opplæringa, jf. forslaget til § 7-2 første ledd andre punktum. Dersom ei verksemnd oppfyller krava til godkjenning som lærebedrift (anten åleine eller ved samarbeidsavtale) vil det ikkje vera noko som hindrar at verksemda opererer både som opplæringskontor og som godkjend lærebedrift, så lenge denne verksemda oppfyller vilkåra for å vere godkjend lærebedrift. Ansvaret for opplæringa ligg uansett hos den lærebedrifta kontrakten om opplæring er inngått med.

Opplæringslovutvalet foreslo å ta opplæringskontor ut av lova, men føresatte at opplæringskontora framleis skulle kunne hjelpe lærebedrifter og ha ei sentral rolle i formidlinga til læreplassar. Sjølv om opplæringskontor kan operere utan å vere regulerte i opplæringslova, meiner departementet det er fleire fordeler ved å regulere opplæringskontor i lova. Høyringsinnspela og Stortingsgets behandling av Meld. St. 21 (2020–2021) viser eit ønske om at opplæringskontora skal vere sen-

trale også i framtida. Lovfesting vil etter oppfatninga til departementet bidra til å gjere tydeleg rolla til kontora. Departementet foreslår derfor å regulere opplæringskontor som samarbeidsorgan for lærebedrifter. Departementet meiner at det verken er nødvendig eller tenleg med ei omfattende lovegulering. Meir detaljerte reglar er det eventuelt naturleg å vurdere i forskrift, og departementet foreslår derfor ein forskriftsheimel.

Opplæringskontora får i dag lærtingtilskot. Partane avgjer sjølv korleis dette blir fordelt. Det er stor variasjon i kor stor del av lærtingtilskotet opplæringskontora beheld sjølv, og kor mykje som går til lærebedriftene. Nokre opplæringskontor utbetaler heile lærtingtilskotet og har andre inntekter til å dekkje eiga drift, medan andre beheld delar av eller heile lærtingtilskotet. Forslaget inneber at opplæringskontor blir regulert som samarbeidsorgan for lærebedrifter og ikkje som lærebedrift. Opplæringskontora vil derfor ikkje få lærtingtilskot direkte frå fylkeskommunen, men godkjende lærebedrifter kan kjøpe ulike former for bistand og administrative tenester frå opplæringskontor, så lenge dette ikkje er i strid med lova. Forslaget endrar ikkje dei samla utgiftene fylkeskommunane har knytt til dei som som har lærerid i bedrift, men snur pengestraumen slik at han først tilkjem lærebedriftene og deretter eventuelt opplæringskontora.

#### **42.5.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår å regulere opplæringskontor som samarbeidsorgan for lærebedrifter og å innføre ein heimel til å gi reglar om opplæringskontor i forskrift, sjå forslag til § 7-5 tredje ledd.

### **42.6 Internkontroll**

#### **42.6.1 Dagens reglar**

Dagens opplæringslov fastset at internkontrollen skal gjennomførast av den faglege leiaren i samarbeid med representantar for arbeidstakarane, jf. § 4-7.

#### **42.6.2 Høyringsforslaget**

I høyringa foreslo departementet at kravet om at internkontrollen skal gjennomførast av den faglege leiaren i samarbeid med representantar for arbeidstakarane, blir erstatta av eit krav om at representantar for arbeidstakarane skal få ta del i arbeidet med internkontroll.

Med dette høyringsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 29.5.

#### **42.6.3 Høyringsinstansanes syn**

NHO støttar departementets forslag om å endre mandatet til tilsynsrepresentantane som blir utnemnde frå dei tilsette for å delta i internkontroll.

LO støttar ikkje departementets forslag om å endre mandatet til tilsynsrepresentantane som blir utnemnde frå dei tilsette for å delta i internkontroll, og uttaler at:

Det svekker vernet for de som skal ha opplæring i bedrift, og fylkeskommunens praktiske mulighet for innsyn i hvordan opplæringen foregår i lærebedriftene. Forslaget svekker også rollen for arbeidstakersidens deltagelse i fag- og yrkesopplæringen. Riksrevisjonen har etterlyst behov for bedre kvalitetssikring i fag- og yrkesopplæring. I europeisk utvikling av fag- og yrkesopplæring løftes kvalitet fram. Det vil være oppsiktsvekkende om Norges skal bygge ned de enkle systemene vi har. Vi må heller styrke de, og LO deltar gjerne i et slikt utviklingsarbeid. Arbeidstakerne og deres organisasjoner må fortsatt ha et sterkt mandat i tråd med norsk samarbeidstradisjon i arbeidslivet og intensjonene i ILO konvensjon 142 om trepartssamarbeid.

#### **42.6.4 Departementets vurdering**

Departementet opprettheld ikkje forslaget frå høyringa om å erstatte kravet om at internkontrollen skal gjennomførast av den faglege leiaren i samarbeid med representantar for arbeidstakarane, med eit krav om at representantar for arbeidstakarane skal få ta del i arbeidet med internkontroll.

Internkontroll etter opplæringslova omfattar kontroll med at bedrifa oppfyller pliktene i opplæringslova for lærebedrifter. Det betyr at reglane om internkontroll etter anna regelverk, mellom anna arbeidsmiljølova og internkontrollforskrifta, gjeld i tillegg til og uavhengig av kva som blir regulert i opplæringslova. Departementet er samd med LO i at det er viktig at dei arbeidstakarane som jobbar med dei som skal ha lærerid i bedrift i det daglege, også tek del i internkontrollen. Etter vurderinga til departementet bør ikkje vernet for dei som skal ha lærerid i bedrift, svekkjast. Det same gjeld for den praktiske moglegheita fylkes-

kommunen har til innsyn i korleis opplæringa går føre seg i lærebedriftene. Rolla for deltakinga til arbeidstakarsida i fag- og yrkesopplæringa bør heller ikkje svekkjast. Departementet foreslår derfor at internkontrollen skal gjennomførast i samarbeid med representantar for arbeidstakarane. Departementet foreslår å ikkje vidareføre krav om at interkontrollen skal utførast av fagleg leiari.

Departementet foreslår å vidareføre at lærebedriftene årleg skal rapportere til fylkeskommunen om opplæringa dei gir, og at departementet kan gi nærmare forskrifter om rapporteringsplikta.

#### **42.6.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- at lærebedriftenes internkontroll skal gjennomførast i samarbeid med representantar for arbeidstakarane, sjå forslaget til § 7-11 første ledd.
- at lærebedriftene årleg skal rapportere til fylkeskommunen om opplæringa dei gir, sjå forslaget til § 7-11 andre ledd første punktum

### **42.7 Innverknaden til yrkesopplæringsnemnda i saker om godkjenning av lærebedrift**

#### **42.7.1 Dagens reglar**

Det er fylkeskommunane som skal godkjenne lærebedrifter som oppfyller krava til lærebedrifter.

Fylkeskommunen skal legge avgjerande vekt på den faglege vurderinga frå yrkesopplæringsnemnda før endeleg vedtak om godkjenning av lærebedrift blir gjort, jf. opplæringslova § 4-3 første ledd.

I 2007 vart Yrkesopplæringsnemndas mynde til å ta avgjelder erstatta med dagens formulering «avgjeraende vekt». I Ot.prp. nr. 41 (2006–2007), punkt 6.2.4.2 blir dette utdjupa slik: «Dette medfører i praksis at saka må leggjast fram for yrkesopplæringsnemnda før fylkeskommunen eventuelt vurderer bedrifta mot desse ytterlegare vilkåra.»

#### **42.7.2 Høyringsforslaget**

Departementet foreslo å endre lova slik at råda frå yrkesopplæringsnemnda i saker om godkjenning av lærebedrifter ikkje skal få avgjeraende, men tung vekt

Med dette høyringsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 29.5.

### 42.7.3 Høyringsinstansanes syn

Departementet foreslo i høyringsnotatet å endre lova slik at råda frå yrkesopplæringsnemnda skal få «stor vekt» og «vega tungt», i staden for dagens «avgjeraende vekt».

Eit klart fleirtal av høyringsinstansane som har kommentert forslaget, er usamde i at *avgjeraende vekt* skal erstattast. Dei argumenterer med at partane har stor innverknad i andre saker med betydning for fag- og yrkesopplæringa, særleg at dimensjoneringsarbeidet er avgjeraende for å vareta behovet i arbeidslivet. Fleire av dei som er imot forslaget, meiner at yrkesopplæringsnemnda bør ha mynde til å gjere vedtak i dimensjonerspørsmål. LO meiner at Yrkesopplæringsnemndas mandat til å godkjenne må styrkjast for å ha ein reell funksjon. LO viser til tidlegare rapport frå Samarbeidsrådet for yrkesopplæring om behov for å styrke, ikkje svekkje, Yrkesopplæringsnemndenes mandat og rolle. Endringsforslag: «Den faglige vurderingen fra yrkesopplæringsnemnda skal tillegges avgjørende vekt.»

*Statsforvaltaren i Agder* og *Utdanningsforbundet* støttar forslaget. Dei viser til at ordlyden i lova må spegle av kvar myndet til å ta avgjerd formelt ligg.

### 42.7.4 Departementets vurdering

Departementet foreslår at fylkeskommunen fortsett skal leggje avgjeraende vekt på den faglege vurderinga frå yrkesopplæringsnemda i saker om godkjenning av lærebedrifter.

Departementet er samd med LO i at yrkesopplæringsnemndas mandat i at godkjenningssaker ikkje bør svekkjast for å ha ein reell funksjon. På bakgrunn av dette og andre høyringsinnspel om at yrkesopplæringsnemnda framleis bør ha vesentleg innverknad i saker som gjeld om ei bedrift kan godkjennast som lærebedrift, vel departementet å ikkje følgje opp høyringsforslaget. Departementet meiner at yrkesopplæringsnemnda framleis bør ha vesentleg innverknad i saker som gjeld om bedrift kan godkjennast som lærebedrift. I 2007 vart yrkesopplæringsnemndas mynde til å ta avgjerder erstatta med dagens formulering «avgjeraende vekt». I Ot.prp. nr. 41 (2006–2007), punkt 6.2.4.2 blir dette utdjeta slik: «Dette medfører i praksis at saka må leggjast fram for yrkesopplæringsnemnda før fylkeskommunen eventuelt vurderer bedrifta mot desse ytterlegare vilkåra.» Dette inneber at fylkeskommunane ikkje skal vurdere godkjenning av ei lærebedrift som ikkje oppfyller dei faglege krava for godkjenning,

men samtidig at fylkeskommunane kan la vere å godkjenne ei bedrift sjølv om yrkesopplæringsnemnda meiner bedrifta fyller dei faglege vilkåra. Det skal mykje til for ikkje å følgje på den faglege vurderinga til nemnda, men samtidig vil departementet understreke at yrkesopplæringsnemnda ikkje er gitt mynde til å ta avgjerder.

### 42.7.5 Departementets forslag

Departementet foreslår at råda frå yrkesopplæringsnemnda i saker om godkjenning av lærebedrifter framleis skal få avgjeraende vekt, sjå forslaget til § 7-5 andre ledd andre punktum

## 42.8 Pliktene til fylkeskommunen

---

### 42.8.1 Dagens reglar

Fylkeskommunane har ansvaret for å godkjenne lærebedrifter. Fylkeskommunane skal i tillegg godkjenne alle kontraktar om opplæring som blir inngått, jf. § 4-5.

Ansvaret for å formidle søkjavar til lærepass kjem ikkje fram direkte av dagens opplæringslov. Det går likevel fram av § 3-3 femte ledd at «dersom fylkeskommunen ikkje kan formidla opplæring i bedrift til dei som ønsker slik opplæring, må også bedriftsdelen av opplæringa skje i skole». I lys av dette legg departementet til grunn at ansvaret for formidling av lærepass ligg hos fylkeskommunane. Fylkeskommunane har dessutan ansvaret for å oppfylle retten til vidaregåande opplæring.

Ansvaret fylkeskommunane har for formidling av lærepass, er regulert i forskrift til opplæringslova § 6A-6, som mellom anna seier at «[f]ylkeskommunen pliktar å formidle søkerane med ungdomsrett til lærebedrifter det er inngått avtalar om lærepass med». Vidare skal fylkeskommunane tilby opplæring i skole til søkerarar som har rett til opplæring etter opplæringslova § 3-1, men som ikkje har fått tilbod om lærepass innan 1. september, jf. forskrift til opplæringslova § 6 A-9.

### 42.8.2 Høyringsforslaget

I høyringa foreslo departementet

- at fylkeskommunen framleis skal vere godkjenningssystem for lærebedrifter
- å innføre ein regel som gjer det tydelegare at fylkeskommunane har plikt til å rettleie og kontrollere at godkjende lærebedrifter oppfyller krava i lova

- å gjøre tydeleg ansvaret fra fylkeskommunane for formidling og utvide ansvaret til å omfatte alle kvalifiserte søkerar
- å vidareføre plikta fylkeskommunen har til å tilby praksisbrevopplæring
- å vidareføre dagens regel om at saker som har innverknad på fag- og yrkesopplæringa, skal leggjast fram for yrkesopplæringsnemndene, og å presisere at råda frå yrkesopplæringsnemnda skal «vege tungt»

Med dette høyringsforslaget følgde departementet delvis opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 29.5. Utvalet foreslo å ikkje vidareføre plikta til å tilby praksisbrevopplæring.

#### **42.8.3 Høyringsinstansanes syn**

Dei fleste forslaga som gjeld pliktene til fylkeskommunen, har fått brei støtte i høyringa. Unntaket er forslaget om at råda frå yrkesopplæringsnemnden i saker som har innverknad på fag- og yrkesopplæringa skal «vege tungt». Fleire av høyringsinstansane er kritiske til dette. Mellom anna LO uttaler at dei ser argumentasjonen til departementet om yrkesopplæringsnemndas mandat, men meiner dagens tekst må førast vidare, at råda frå yrkesopplæringsnemnden skal «tillegges avgjørende vekt». Dei uttaler at

LO tenker at begrepet ikke er så «enerådig» som departementet fremstiller det i drøftingen. I lovteksten er det alt fastslått at dette er et råd, og ikke en avgjørelse. Begrepet kan gis en nærmere definisjon. Dersom viktige forvaltningsmessige grunner tilskjer å ikke følge nemndas innstilling, kan opplysningen følge saken til neste beslutningsnivå. LO er overbevist om at de fleste sakene vil kunne håndteres med rimelighet og forstand, selv om begrepet avgjørende vekt videreføres.

#### **42.8.4 Departementets vurdering**

##### **42.8.4.1 Fylkeskommunens ansvar for å godkjenne, rettleie og kontrollere lærebedrifter**

Departementet foreslår at fylkeskommunen framleis skal vere godkenningsstyresmakt for lærebedrifter. Vidare foreslår departementet å innføre ein regel som gjer det tydelegare at fylkeskommunen har plikt til å rettleie og kontrollere at godkjende lærebedrifter oppfyller krava i lova.

##### **42.8.4.2 Presisere og utvide ansvaret for å rekruttere og formidle til lærepllassar**

Departementet foreslår å presisere i lova at fylkeskommunane har ansvar for å rekruttere lærebedrifter, og å gjøre tydeleg i lova at dei har ansvar for å formidle lærepllassar. Departementet foreslår at lova slår fast at fylkeskommunane skal formidle søkerar til godkjende lærebedrifter.

Departementet foreslår å utvide formidlingsansvaret til å omfatte alle søkerar som oppfyller vilkåra for formidling til læreplass. Formidlingsarbeidet frå fylkeskommunane skal ifølgje forslaget omfatte både søkerar til opplæring for ungdom og opplæring for vaksne. I punkt 40 foreslår departementet utvidingar i retten til vidaregåande opplæring slik at fleire vil få ein rett til meir opplæring som vaksen. Fylkeskommunane har ansvaret for vidaregåande opplæring generelt, og både fylkeskommunane og samfunnet samla sett er best tente med at dei som har starta på eit yrkesfagleg opplæringsløp, får fullføre det. Etter vurderinga til departementet er det derfor rimeleg at fylkeskommunane også jobbar for å få vaksne ut i lære slik at dei får fullført løpet. Departementet foreslår dessutan at vaksne som ikkje får læreplass, skal ha rett til eit opplæringstilbod frå fylkeskommunen på lik linje med ungdom, sjå punkt 43.

Departementet presiserer at formidlingsansvaret frå fylkeskommunane ikkje er ein rett til læreplass for den enkelte og ikkje ei plikt for fylkeskommunane til å få alle kvalifiserte søkerar ut i lære. Departementet legg derfor til grunn at fylkeskommunane har føresetnader for å oppfylle eit slikt formidlingsansvar.

Departementet påpeikar også at vilkåra for å vere «kvalifisert» til læreplass vil følgje av reglane om inntak og formidling i forskrifta. For å klargjere dette foreslår departementet at ordlyden viser til at formidlingsansvaret gjeld for dei som oppfyller vilkåra for formidling.

##### **42.8.4.3 Plikt til å tilby praksisbrev**

Ansvaret til fylkeskommunane for å dimensjonere det vidaregåande opplæringstilbodet gir i utgangspunktet stort handlingsrom til å velje kva tilbod dei vil tilby, og kor mange plassar det skal vere på det enkelte tilbodet. Handlingsrommet blir mellom anna avgrensa av enkelte lovfesta plikter til å gi konkrete tilbod. Blant desse er pålegg om å gi tilbod om praksisbrevopplæring.

Departementet meiner at det er eit inngrep i det lokale sjølvstyret å påleggje fylkeskommunane å tilby eit konkret opplæringstilbod. Samtidig mei-

ner departementet at dagens plikt til å tilby praksisbrev er utforma på ein måte som gir fylkeskommunane stor grad av fleksibilitet, og reguleringsforma harmonerer slik med retningslinjene i rettleiinga om statleg styring av kommunar og fylkeskommunar. Ifølge dagens regel vel fylkeskommunane sjølv kva fag praksisbrevoplæring skal tilbydast i, og omfanget av tilbodet. Dagens regulerering opnar for at fylkeskommunane kan tilby ordinær opplæring innanfor det aktuelle utdanningsprogrammet dersom det ikkje er mogleg å skaffe læreplass for praksisbrevkandidatar.

Departementet er kjent med at praksisbrevordninga er lite brukt, men det er uklart kvifor. Regjeringa meiner at tanken bak praksisbrevordninga er god, og det er viktig at målgruppa for praksisbrevet har eit tilbod i vidaregåande opplæring. I Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen* har regjeringa derfor foreslått at praksisbrevordninga skal vidareutviklast. Stortinget har sluttat seg til dette og har i vedtak nr. 1074 (2020–2021) bede regjeringa komme tilbake med forslag som sikrar at alle vidaregåande skolar med yrkesfag gir tilbod om praksisbrev eller tilsvarande tilbod for elevar som har behov for meir tid og eit tilrettelagt opplæringsløp ute i bedrift.

Departementet foreslår at plikta for fylkeskommunen til å tilby praksisbrevoplæring blir vidareført, og vil komme tilbake til korleis Stortingsets vedtak nr. 1074 (2020–2021) elles vil følgjast opp.

#### 42.8.4.4 Yrkesopplæringsnemndas faglege vurdering

Fylkeskommunen skal nemne opp ei yrkesopplæringsnemnd. Saker som har innverknad på fag- og yrkesopplæringa skal leggjast fram for yrkesopplæringsnemnda før fylkeskommunen gjer vedtak i dei. Departementet er samd med høyringsinstansane som meiner at råda frå yrkesopplæringsnemnda skal «tillegges avgjørende vekt» i saker som har innverknad på fag- og yrkesopplæringa. Departementet presiserer at omgrepene ikkje inneber avgjerdsmynne, og viser til at det i lovteksta er slått fast at dette er ei fagleg vurdering og ikkje ei avgjerd.

#### 42.8.5 Departementets forslag

Departementet foreslår

- at fylkeskommunen framleis skal vere godkjenningsstyresmakt for lærebodrifter, sjå forslaget til § 7-5 første ledd

- å presisere at fylkeskommunane har ansvar for å rekruttere lærebodrifter, sjå forslaget til § 7-7 første ledd
- å innføre ein regel som gjer det tydelegare at fylkeskommunane har plikt til å rettleie og kontrollere at godkjende lærebodrifter oppfyller krava i lova, sjå forslaget til § 7-9 første ledd
- å gjøre tydeleg ansvaret fylkeskommunane har for formidling, og utvide ansvaret til å omfatte alle kvalifiserte søkerar, og at departementet kan gi forskrift om formidling, sjå forslaget til § 7-7 andre og tredje ledd
- å vidareføre plikta fylkeskommunen har til å tilby praksisbrevoplæring, sjå forslaget til § 5-3 andre ledd
- å vidareføre dagens regel om at saker som har innverknad på fag- og yrkesopplæringa, skal leggjast fram for yrkesopplæringsnemndene, og å presisere at råda frå yrkesopplæringsnemnda skal få «avgjørende vekt», sjå forslaget til § 8-2 andre ledd

### 42.9 Regulering av kontrakten om opplæring og av arbeidsavtalen

#### 42.9.1 Dagens reglar

Lærebodriftene skal inngå skriftleg kontrakt med lærlingane, praksisbrevkandidatane, lærekandidatane eller kandidatane for fagbrev på jobb, jf. § 4-5. Alle dei ulike kontraktane om opplæring skal vere skriftlege og inngåast «når læreforholdet tek til». Kontrakten blir først gyldig når han er godkjend av fylkeskommunane, sjå andre ledd i paragrafen. Det skal gå fram av kontrakten kven som har ansvaret for dei ulike delane av opplæringa, jf. § 4-5 første ledd fjerde punktum. Ansvaret for opplæringa kan delast mellom ei eller fleire lærebodrifter eller mellom lærebodrift og fylkeskommune.

Fylkeskommunen kan i det enkelte tilfellet godkjenne lærekontrakt eller opplæringskontrakt som inneholder unntak frå den fastsette opplæringsordninga, noko som kjem fram av fjerde ledd. Departementet kan også gi nærmare forskrifter om dette. Det er ikkje gitt slike forskrifter i dag.

Fylkeskommunane kan godkjenne at målet om ein bestemt sluttpølse blir endra, jf. § 4-6 første ledd. Fylkeskommunane kan også godkjenne omgjering av ein opplæringskontrakt for lærekandidatar til ein ordinær lærekontrakt for lærlingar eller motsett. Fylkeskommunane kan dessutan samtykkje til at læretida blir avbroten i samband med permisjon, jf. sjette ledd.

Opplæringslova § 4-6 andre og tredje ledd regulerer heving av læreforholdet. Alle kontraktar

kan hevast dersom partane er samde om det, jf. § 4-6 andre ledd. Kontraktar om opplæring i bedrift kan også på visse vilkår hevast i tilfelle der partane ikkje samde, jf. tredje ledd i paragrafen.

Fylkeskommunane skal samtykkje til heving. Dei som får opplæring i bedrift, skal få moglegheita til å forklare seg munnleg før fylkeskommunane gjer vedtak om heving, jf. femte ledd.

Lærekontrakten kan ikkje endrast eller bli heva på annan måte enn etter reglane i § 4-6, med mindre reglane i opplæringslova i § 4-5 om prøvetid gjeld, jf. siste ledd i paragrafen.

## 42.9.2 Høyningsforslaget

I høyringa foreslo departementet

- at opplæringslova fullt ut skal regulere opphør av både arbeidsavtalen og kontrakten om opplæring
- å ikkje vidareføre ein terskel for å heve kontrakten om opplæring etter ønske frå den som har lærerid i bedrift
- å erstatte dagens rett til å uttale seg munnleg til den som skal gjere vedtak om heving av kontrakten om opplæring, med ein generell rett til å uttale seg munnleg før det blir gjort vedtak om heving etter einsidig ønske frå lærebodrifta
- å innføre prøvetid for alle som har inngått avtale om full opplæring i bedrift, uavhengig av alder og kandidattype

Med dette høyningsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 29.5.

## 42.9.3 Høyningsinstansanes syn

Alle forslaga som gjeld regulering av kontrakten om opplæring og arbeidsavtalen, har fått brei støtte i høyringa.

## 42.9.4 Departementets vurdering

### 42.9.4.1 Inngåing, endring og opphør

Departementet foreslår å videreføre at dei som skal ha lærerid i bedrift skal skrive kontrakt om opplæring og arbeidsavtale med ei lærebodrift før opplæringa tek til. Departementet meiner det bør framgå av kontrakten kva som er målet for opplæringa, og kven som har ansvaret for dei ulike delane av opplæringa. Kontrakten bør også vise til den eller dei arbeidsavtalane som er inngått. Vidare foreslår departementet å videreføre at kontrakten berre skal kunne endrast etter samtykke

frå fylkeskommunen. Departementet foreslår også å vidareføre at dei med lærerid i bedrift er arbeidstakrar i den bedifta dei har teikna arbeidsavtale med og er plasserte i, med dei rettane og pliktene som følgjer av lover og tariffavtalar.

Opplæringslovutvalet foreslo at opplæringslova fullt ut skal regulere opphør av både arbeidsavtale og kontrakt om opplæring. Forslaget inneber at sjølv arbeidsavtalen berre kan seiast opp dersom vilkåret i opplæringslova for heving av kontrakten om opplæring er oppfylt, og at det dermed er opplæringslova som regulerer heile forholdet. Til liks med utvalet meiner departementet at det neppe vil vere tilfelle der vilkåra for heving er oppfylt utan at arbeidsforholdet kan avsluttast etter reglane i arbeidsmiljølova. Departementet meiner derfor at arbeidskontrakt og kontrakt om opplæring skal følgje kvarandre.

Departementet foreslår også å erstatte dagens rett til å uttale seg munnleg til den som skal gjera vedtak om heving av kontrakten om opplæring, med ein generell rett til å uttale seg munnleg før det blir gjort vedtak om heving etter einsidig ønske frå lærebodrifta.

Dersom den som skal ha lærerid i bedrift sjølv ønskjer å heve kontrakten om opplæring, er vilkåret i dag at den som skal ha lærerid i bedrift gir skriftleg beskjed om at det er ei urimeleg blempe å halde fram ut kontraktstida. Forarbeida viser til at dette typisk vil vere velferdsgrunnar, til dømes at den som skal ha lærerid i bedrift av private grunnar må søkje seg over i anna arbeid, eller at flytting av bedifta gjer det til ei urimeleg belastning å følgje med til den nye staden.

Departementet meiner at det ikkje er nødvendig eller tenleg å ha ein terskel for heving av kontrakten om opplæring etter ønske frå den som skal ha lærerid i bedrift. I dei fleste tilfella vil årsaka til at den som skal ha lærerid i bedrift ønskjer å avslutte læreforholdet, bli omfatta av dei andre hevingsgrunnane. Det vil uansett vere formålslaust å tvinge dei som skal ha lærerid i bedrift til å halde fram mot deira vilje for å oppfylle kravet i lova. Departementet meiner likevel at vilkåret om skriftlegheit bør vidareførast.

Ei innvending mot forslaget er at det kan føre til at fleire som skal ha lærerid i bedrift hevar læreforholdet. I høyringa har ein fylkeskommune vist til eit døme der mange bytte lærebodrift for å få betre lønnsvilkår. Departementet ser at dette i tilfelle kan føre til meir administrativt arbeid for fylkeskommunane. Samtidig påpeikar departementet at tilgangen på læreplassar normalt er eit knappleiksgode, og at dei fleste som har fått lære-

plass, vil ønske å fullføre læretida. Det er derfor ikkje sannsynleg at hevingssaker vil auke vesentleg, og det vil truleg føre til lite ekstraarbeid i formidlingsarbeidet til fylket. I slike unntakstilfelle som høyringsinnspelet viser til, meiner departementet at konkurranse om å vere attraktive lærebedrifter kan gagne både dei som skal ha læretid i bedrift og bransjane. Det bør derfor ikkje vere eit argument mot å fjerne terskelen for heving etter ønsket til den som skal ha læretid i bedrift. Kontrakten om opplæring kan også opphører ved oppseining, dersom partene er samde om det. Dersom ein kontrakt om opplæring opphører ved oppseining eller heving, skal lærebedrifa, som før, skrive ut ein attest om opplæringa som er gjennomført.

#### 42.9.4.2 Fjerne aldersavgrensinga for prøvetid

I dag kan det berre inngåast prøvetid for dei som er over 21 år, og som har inngått avtale om full opplæring i bedrift. Departementet foreslår at prøvetid på dei same vilkåra også skal gjelde for lærekandidatar. Begge partar vil vere tente med ei moglegheit for å avslutte læreforholdet tidleg når det blir inngått avtale om all programfagsopplæring i bedrift, og at dette gjeld for alle kandidattypar. Departementet ser derimot ikkje behovet for å vidareføre aldersavgrensinga. Argumenta for prøvetid er like aktuelle for kandidatar som er yngre enn 21 år. Departementet foreslår derfor å fjerne aldersavgrensinga. Forslaget inneber at prøvetid vil gjelde for alle som inngår kontrakt om all programfagsopplæring i bedrift, uavhengig av kandidattype og uavhengig av alder.

#### 42.9.5 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å vidareføre reglane om inngåing og endring av kontrakt om opplæring, sjå forslag til § 7-2 første til fjerde ledd
- at departementet kan gi forskrift om kva form og innhald kontrakten skal ha, om endring av kontrakten, og om fylkeskommunens adgang til å godkjenne kontrakter som fråvik det fastsette opplæringsløpet, sjå forslaget til § 7-2 femte ledd
- at ein kontrakt om opplæring kan seiast opp dersom partane er samde om det. sjå forslaget til § 7-3 første ledd
- å vidareføre at dei med læretid i bedrift er arbeidstakrar med dei rettane og pliktene som følger av lover og tariffavtalar, sjå forslaget til § 7-4 første ledd

- at opplæringslova fullt ut skal regulere opphør av både arbeidsavtalen og kontrakten om opplæring, og at lærebedrifa skal skrive ut attest om opplæringa som er gjennomført, sjå forslaget til §§ 7-3 og 7-4 andre ledd andre punktum, tredje ledd andre punktum og fjerde ledd
- å ikkje vidareføre ein terskel for å heve kontrakten om opplæring etter ønske fra den som har læretid i bedrift, sjå forslaget til § 7-3 andre ledd første punktum
- å erstatte dagens rett til å uttale seg munnleg til den som skal gjere vedtak om heving av kontrakten om opplæring, med ein generell rett til å uttale seg munnleg før det blir gjort vedtak om heving etter einsidig ønske fra lærebedrifa, sjå forslaget til § 7-3 tredje ledd
- å innføre prøvetid for alle som har inngått avtale om full opplæring i bedrift, uavhengig av alder og kandidattype, sjå forslaget til § 7-4 tredje ledd

### 42.10 Tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging

#### 42.10.1 Dagens reglar

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadenne hjå den enkelte lærlingen, praksisbrevkandidaten og lærekandidaten, jf. opplæringslova § 1-3.

Lærlingar og praksisbrevkandidatar har ikkje rett på individuell tilrettelegging (spesialundervisning). Det er berre lærekandidatar som har rett til spesialundervisning etter dei same reglane som elevar, jf. opplæringslova § 4-2 femte ledd. Lære-kandidatar har inngått opplæringskontrakt med individuelt fastsette mål frå aktuell vg3-læreplan, men ordninga inneber ikkje i seg sjølv spesialundervisning.

I forskrift til opplæringslova er det egne regler om sakkyndige vurderinger for tilrettelegging på fag- og svenneprøven. Dei som har læretid i bedrift, har rett til sakkunnig vurdering frå pedagogisk-psykologisk tjeneste (PPT) der dette følgjer av lov eller forskrift, til dømes for å kunne framstille seg til den avsluttande prøven utan å ha bestått i alle fellesfaga og for å kunne få innvilga særskild tilrettelegging av prøven jf. forskrift til opplæringslova §§ 3-42 og 3-58.

#### 42.10.2 Høyringsforslaget

I høyringa foreslo departementet

- å vidareføre retten til individuell tilrettelagd opplæring, personleg assistanse og fysisk til-

- rettelegging (spesialundervisning) for lærekandidatar
- å vidareføre at dei som har læreretid i bedrift, framleis har rett til sakkunnig vurdering frå PP-tenesta der det følgjer av lov eller forskrift

Med dette høyringsforslaget følgde departementet delvis opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 29.5. Utvalet foreslo å ikkje vidareføre retten til individuell tilrettelegging (spesialundervisning) for lærekandidatar.

#### **42.10.3 Høyringsinstansanes syn**

Forslaga om å vidareføre retten til individuell tilrettelegging (spesialundervisning) for lærekandidatar og om å vidareføre at dei som får opplæring i bedrift, framleis har rett til sakkunnig vurdering frå den pedagogisk-psykologiske tenesta (PP-tenesta) der det følgjer av lov eller forskrift, har fått stor støtte i høyringa.

#### **42.10.4 Departementets vurdering**

I punkt 24 foreslår departementet å vidareføre at lærebedrifa skal sørge for tilpassa opplæring for dei som har læreretid i bedrift.

Opplæringslovutvalet foreslo ikkje å vidareføre retten til individuell tilrettelegging (spesialundervisning) for lærekandidatar. Utvalet la til grunn at likestillings- og diskrimineringslova gir eit godt nok rettsvern.

Sjølv om retten til spesialundervisning etter opplæringslova gir ein sterke rett fordi retten ikkje kan avgrensast av økonomiske omsyn, meiner departementet at dette neppe vil komme på spissen i ei konkret sak fordi ei bedrift ikkje vil seie ja til å ta inn ein lærekandidat som vil ha behov for så omfattande tilrettelegging at det ikkje er handterleg for bedrifta. Likestillings- og diskrimineringslova vil derimot ikkje kunne gi ein rett til å jobbe med andre mål enn dei som er fastsette i vg3-læreplanen for det aktuelle lærefaget, eller ein rett til opplæring i bruk av alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK). Dette er forhold som blir dekte av ein rett til individuell tilrettelagd opplæring, sjå punkt 25 og 26.

I tråd med Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen* vil departementet vurdere lærekandidatordninga og vidareutvikle henne. I dette arbeidet kan det bli aktuelt å sjå nærmare på individuell tilrettelegging for lærekandidatar. Inntil vidare meiner departementet at ein rett til individuell tilrettelegging for lærekandidatar bør vidare-

førast. I punkt 25 foreslår departementet å dele opp retten til spesialundervisning i tre rettar. Departementet foreslår ei materiell vidareføring av retten til spesialundervisning for lærekandidatar, som betyr at lærekandidatar skal ha rett til individuell tilrettelagt opplæring, personleg assistanse og fysisk tilrettelegging på dei same vilkåra som elevar. Sjå punkt 25 for omtale av innhaldet i disse reglane. For reglar om ASK for dei som har læreretid i bedrift, sjå punkt 26.

Departementet foreslår at dei som har læreretid i bedrift, framleis skal ha rett til sakkunnig vurdering frå PP-tenesta der det følgjer av lov eller forskrift, til dømes for å kunne framstille seg til den avsluttande prøven utan å ha bestått i alle fellesfaga og for å kunne få innvilga særskild tilrettelegging av prøven. Departementet viser til punkt 27.5.3 når det gjelder omtale og vurdering av PP-tenestens rolle i forbindelse med opplæring i bedrift.

#### **42.10.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å vidareføre retten til tilpassa opplæring for dei som har læreretid i bedrift, sjå forslaget til § 11-1 andre punktum
- å vidareføre retten til individuell tilrettelagd opplæring, personleg assistanse og fysisk tilrettelegging (spesialundervisning) for lærekandidatar, sjå forslaget til §§ 7-4 sjette ledd og 11-12
- å vidareføre at dei som har læreretid i bedrift, har rett til sakkunnig vurdering frå PP-tenesta der det følgjer av lov eller forskrift, sjå forslaget til § 11-13 tredje ledd

### **42.11 Ansiktsdekkjande plagg**

#### **42.11.1 Dagens reglar**

Den som får opplæring i bedrift, skal ikkje bruke klesplagg som heilt eller delvis dekkjer ansiktet, medan dei får opplæring i bedrift. Forbodet gjeld likevel ikkje dersom bruken er grunngitt i klimatiske, pedagogiske, helsemessige eller tryggleiks-messige forhold, jf. opplæringslova § 9-7 andre og tredje ledd.

#### **42.11.2 Høyringsforslaget**

I høyringa foreslo departementet å ikkje vidareføre forbodet mot bruk av plagg som heilt eller delvis dekkjer ansiktet, for dei som har læreretid i bedrift.

Med dette høyringsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 29.5.

#### **42.11.3 Høyringsinstansanes syn**

Høyringsinstansane som har uttalt seg, støttar i all hovudsak forslaget.

#### **42.11.4 Departementets vurdering**

Departementet foreslår å ikkje vidareføre forbodet mot bruk av plagg som heilt eller delvis dekkjer ansiktet, for dei som har lærerid i bedrift. Det gjeld ingen slik generell regel i arbeidslivet, og det er heller ikkje lovregulert i kva tilfelle det ligg innanfor styringsretten til arbeidsgivar å gi eit forbod. For dei som har lærerid i bedrift, vil heving av kontrakten om opplæring vere den einaste ikkje-arbeidsrettslege sanksjonen for brot på eit forbod mot ansiktsdekkjande plagg.

Opplæringslova bør ikkje regulere sanksjonar som er meir inngripande for dei som har lærerid i bedrift enn for elevar, og som dessutan går mykje lengre enn det som er aktuelle arbeidsrettslege sanksjonar for same forhold. Dersom arbeidsplas-

sen har reglar om bruk av ansiktsdekkjande plagg i arbeidstida, meiner departementet at det bør vere like reglar for dei som har lærerid i bedrift og andre tilsette.

Departementet meiner det er viktigare med like reglar for dei som har lærerid i bedrift, og andre tilsette i same bedrift enn at det skal vere same reglar for dei som har lærerid i bedrift som for elevar. I tillegg meiner departementet at der som arbeidsgivaren ikkje har innvendingar til at den som skal ha lærerid i bedrift bruker ansiktsdekkjande plagg i arbeidstida, er det urimeleg at fylkeskommunane skal kunne heve læreforholdet for eit forhold som lærebedrifa ikkje reknar som eit problem. Dette kan få konsekvensar for lærebedrifa som har investert tid i opplæring for den som skal ha lærerid i bedrift, gjerne tidleg i læreridet. Det vil også kunne påverke planlegginga og gjennomføringa av verksemda dersom ein tilsett brått må slutte.

#### **42.11.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår å ikkje vidareføre forbodet mot bruk av plagg som heilt eller delvis dekkjer ansiktet, for dei som har lærerid i bedrift.

## 43 Rett til førebuande og vidaregåande opplæring for vaksne

### 43.1 Innleiing

Dette punktet handlar om grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne deltagarar. Med vaksne deltagarar siktar ein her til personar som i dag har rett til opplæring. Når det gjeld grunnskoleopplæring, blir ein person rekna som vaksen når ein er over grunnskolepliktig alder, som normalt vil seie 16 år. I vidaregåande opplæring blir ein i dag rekna som vaksen når ein er over 25 år. Retten vaksne har til grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring, blir ofte omtalt som ein *vaksenrett*. Til samanlikning blir den ordinære retten til vidaregåande opplæring omtalt som ein *ungdomsrett*. I dette punktet er desse uttrykka brukte.

Departementet foreslår i punkt 43.3 å bruka nemninga «førebuande opplæring» i staden for «grunnskoleopplæring særskilt organisert for vaksne». Vidare i proposisjonen er det likevel nemninga «grunnskoleopplæring» som er brukt i punkta om dagens reglar, synet til høyringsinstansane og vurderinga til departementet. I punkta om departementets forslag, forslag til lovtekst og lovmerknadene er det nemninga «førebuande opplæring for vaksne» som blir brukt om opplæring på nivået til grunnskolen for vaksne.

Punkt 43.12 omtaler vedtak nr. 701, 15. juni 2020:

Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag om å utvide retten til realkompetansevurdering til også å gjelde vaksne uten rett til videregående opplæring.

Kommunane og fylkeskommunane kan tilby ungdom som har rett til vidaregåande opplæring etter ungdomsretten, meir grunnskoleopplæring der som dei treng det. Reglane om dette er omtalte i kapittel 40.11. Vilkåra for rett til vidaregåande opplæring, jf. dagens § 4 A-3 første ledd første og andre punktum, er omtalte i kapittel 40.2. Krav om ulykkesforsikring for vaksne deltagarar er omtalte i kapittel 55.

Under kvart temapunkt omtalast gjeldande reglar, høyringsforslaget, høyringsfråsegner og departementets vurderingar:

- Innpasseringa av reglar om vaksne i opplæringslova (punkt 43.2)
- Namn på opplæringstilbodet og deltagarane (punkt 43.3)
- Rett til førebuande opplæring for vaksne (punkt 43.4)
- Rett til vidaregåande opplæring for vaksne (punkt 43.5)
- Rett til læreplass for vaksne (punkt 43.6)
- Rett til påbygging til studiekompetanse for vaksne (punkt 43.7)
- Formålet med opplæringa for vaksne og overordna mål og prinsipp (punkt 43.8)
- Vidaregåande opplæring i kombinasjon med grunnskoleopplæring (punkt 43.9)
- Vaksne utan rett til vidaregåande opplæring (punkt 43.10)
- Gratis opplæring for vaksne (punkt 43.11)
- Realkompetansevurdering for vaksne (punkt 43.12)
- Opplæringen skal byggje på kompetansen til den vaksne (punkt 43.13)
- Innhald og vurdering i opplæringa for vaksne (punkt 43.14)
- Tilpassa opplæring for vaksne (punkt 43.15)
- Individuell tilrettelegging av opplæring for vaksne (punkt 43.16)
- Alternativ of supplerande kommunikasjon (punkt 43.17)
- Målform i opplæringa for vaksne (punkt 43.18)
- Samisk opplæring for vaksne (punkt 43.19)
- Særskild språkopplæring for vaksne (punkt 43.20)
- Opplæring i teiknspråk og punktskrift for vaksne (punkt 43.21)
- Organisering av opplæringa (punkt 43.22)
- Lokale ordensreglar, bortvisning og forbod mot ansiktsdekkjande plagg (punkt 43.23)
- Fysisk og sosialt læringsmiljø for vaksne (punkt 43.24)
- Medverknad (punkt 43.25)
- Krav om aktiv deltaking og mogleheit til å gi permisjon (punkt 43.26)

- Rådgiving for vaksne (punkt 43.27)
- Skyss, reisefølgje og tilsyn (punkt 43.28)
- Kompetansekrav i opplæringa for vaksne (punkt 43.29)
- Krav om politiattest for tilsette i opplæringa for vaksne (punkt 43.30)
- Kontaktlærar (punkt 43.31)
- Andre reglar som gjeld for opplæringa for vaksne (punkt 43.32)

## **43.2 Innpllasseringa av reglar om vaksne i opplæringslova**

---

### **43.2.1 Dagens reglar**

I dagens opplæringslov står det i kapittel 4A kva reglar som gjeld for grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne. I tillegg er det enkelte andre reglar i lova som gjeld for vaksne, og det er brukt litt ulik teknikk for å få fram kva reglar som gjeld.

### **43.2.2 Høyringsforslaget**

Departementet foreslo å samle reglar som gjeld berre vaksne, i ein eigen del i lova, medan det på område der dei same reglane gjeld for barn og unge, blir vist til relevante reglar i dei andre delane av lova.

Med dette høyringsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 45.

### **43.2.3 Høyringsinstansanes syn**

Fleirtalet av dei som har uttalt seg om dette, støtar forslaget. *Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir)* meiner at det vil vere meir tenleg med ei eiga lov om grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne, og ber departementet om å vurdere moglegheita for dette på eit seinare tidspunkt. *HK-dir* meiner mellom anna at ei eiga lov kan bidra til klarare ansvars- og oppgåvedeling mellom *HK-dir* og *Utdanningsdirektoratet* og dermed ei betre og meir effektiv forvaltning. *HK-dir* viser til tiltaket i Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet om å greie ut behovet for ei kompetanselov* og meiner dette bør sjåast i samanheng med tiltaket i Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden* om å greie ut å samle ansvaret for all opplæring for vaksne hos fylkeskommunen.

### **43.2.4 Departementets vurdering**

Departementet foreslår ikkje ei eiga kompetanse-lov. Høyringa gir ikkje grunnlag for å foreslå dette. Departementet vil ta stilling til om det er behov for å vurdere dette spørsmålet på nytt der som det blir aktuelt å endre dagens ansvarsdeling for opplæring for vaksne.

Departementet foreslår den strukturen som var foreslått i høyringa der reglar som gjeld berre vaksne, blir samla i ein eigen del i lova, medan det på område der dei same reglane gjeld for barn og unge, blir vist til relevante reglar i dei andre delane av lova.

### **43.2.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår å samle reglar som berre gjeld vaksne, i ein eigen del i lova, medan det på område der dei same reglane gjeld for barn og unge, blir vist til relevante reglar i dei andre delane av lova. Sjå forslaget til femte del i lova.

## **43.3 Namn på opplæringstilbodet og deltakarane**

---

### **43.3.1 Dagens reglar**

I dagens lov er det nemninga «grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring spesielt organisert for vaksne» som blir brukt. Dei som får opplæring for vaksne, blir omtalte i lova som «deltakrar».

### **43.3.2 Høyringsforslaget**

Departementet foreslo

- å vidareføre nemninga «deltakarar»
- å bruke nemningane «førebuande opplæring for vaksne» og «vidaregåande opplæring for vaksne» i staden for «grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring spesielt organisert for vaksne»

Med dette høyringsforslaget følgde departementet ikkje opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23 kapittel 45 om å innføre nemninga «vaksne elevar». Forslaget til dei nye nemningane «førebuande opplæring for vaksne» og «vidaregåande opplæring for vaksne» var nytt samanlikna med forslaget frå utvalet.

### 43.3.3 Høyringsinstansanes syn

#### Forslag til ny nemning for opplæringa

Det er i underkant av 30 høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget om å endre nemning til førebuande opplæring for vaksne. Eit knapt fleirtal er imot forslaget og meiner det framleis bør heite grunnskoleopplæring for vaksne. *Nettverk for kommunal voksenopplæring i Møre og Romsdal, Skien kommunale voksenopplæring, Stjørdal voksenopplæring, Interesseorganisasjonen for kommunal voksenopplæring (IKVO) og Norsk Lektorlag* er blant dei som er imot forslaget. Argumenta mot forslaget er at det ikkje er nokon god grunn til ei slik endring, at «førebuande opplæring for vaksne» ikkje beskriv godt nok kva det blir førebudd frå eller til, at det står fram som at opplæringa som blir gitt, ikkje er fullstendig, og at nemninga er for snever ved at ho ikkje omfattar dei som skal ha grunnskoleopplæring som sluttkompetanse. Det blir vidare peika på at dagens nemning er tydelegare for brukarane av lova, og at det å ha nemninga «grunnskole» i namnet er eit vern for å sikre at deltakarar og lærarar får ei profesjonell teneste, og at kommunane rettar seg etter opplæringslova.

*Statsforvaltaren i Oslo og Viken, Fredrikstad kommune, Moss voksenopplæring og Oslo kommune* er blant dei som støttar forslaget, og det blir mellom anna vist til at eit nytt namn kan gjere opplæringa meir attraktiv for vaksne. IKVO foreslår i staden «modulisert grunnopplæring for vaksne» eller «modulbasert grunnskole for vaksne».

Dei som har uttalt seg om forslaget, støttar departementets forslag om å bruke nemninga «vidaregåande opplæring for vaksne» i staden for «vidaregåande opplæring spesielt organisert for vaksne».

#### Nemninga «deltakarar»

Det er få høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget om å vidareføre nemninga «deltakarar», og det er omrent like mange som støttar og som er imot forslaget. *Kristiansand kommune* meiner dette vil føre til at nokon i ein klasse skal karakterisera «elevar», medan andre skal karakterisera «deltakarar». *Utdanningsforbundet* meiner deltakarane i opplæringa for vaksne bør givast status som elevar fordi det mellom anna vil utløyse fleire rettar, noko som vil gi eit styrkt og meir likeverdig opplæringstilbod som barn og unge. *Statped* gir uttrykk for noko av det same, medan *Norsk Lektorlag* ikkje synest det generiske omgrepene «deltakar» er tenleg. *Arbeids- og velferdsdirektoratet*,

*Statsforvaltaren i Oslo og Viken, Larvik kommune og Sola kommune* støttar derimot forslaget om å behalde nemninga «deltakarar» og viser mellom anna til at denne nemninga blir brukt i integreringslova, og at det dermed vil gi ei einskapleg nemning av brukargruppa.

### 43.3.4 Departementets vurdering

#### Forslag til ny nemning for opplæringa

Departementet foreslår å bruke nemninga «førebuande opplæring» i staden for «grunnskoleopplæring særskilt organisert for vaksne». Vurderinga til departementet er at omgrepet «grunnskoleopplæring» i stor grad blir assosiert med barn. Med utvida rett til vidaregåande opplæring (sjå punkt 40.2), rekvalifiseringsrett (sjå punkt 40.3), nye læreplanar for vaksne på nivået under vidaregåande opplæring (sjå punkt 43.14) og modulstrukturert opplæring som hovudmodell for vaksne (sjå punkt 43.14) blir grunnlaget lagt for ei ny og meir fleksibel opplæring for vaksne. Opplæringstilbodet bør få eit nytt namn for å synleggjere dette. Departementet meiner «førebuande opplæring» er dekkjande for heile gruppa med deltakarar, både dei som skal førebuast for vidaregåande opplæring, og dei som skal førebuast for arbeid eller få generell livsmeistring. Departementet vil understreke at det framleis vil vere opplæring på grunnskolenivå sjølv om det blir gitt ei ny nemning i lova, og at opplæringa vil ha det same vernet etter Grunnlova § 109 (sjå punkt 43.4.1).

Departementet foreslår også å bruke nemninga «vidaregåande opplæring for vaksne» i staden for «vidaregåande opplæring spesielt organisert for vaksne».

Vidare i proposisjonen er det nemninga «grunnskoleopplæring» som blir brukt i punkta om dagens reglar og synet til høyringsinstansane. I punkta om departementets forslag, forslag til lovtekst og lovmerknadene er det nemninga «førebuande opplæring for vaksne» som blir brukt om opplæring på nivået til grunnskolen for vaksne.

#### Nemninga «deltakarar»

Departementet foreslår også å vidareføre nemninga «deltakarar», og ikkje «vaksne elevar» slik utvalet foreslo i NOU 2019: 23. Departementet meiner det vil vere ein fordel å bruke same nemning som i integreringslova ettersom det til dels er den same målgruppa som blir omfatta. Det er også ein fordel å kunne skilje mellom dei som får

opplæring for vaksne (deltakarar), og dei som får opplæring for barn og unge (elevar), fordi dei har ulike rettar. Departementet vil understreke at om ein person er elev eller deltakar, blir avgjort ut frå kva slags opplæringsordning vedkommande følgjer, ikkje alder. Det vil dermed ikkje vere slik at personar over 18 år i ordinær vidaregåande opplæring vil reknast som «deltakar» etter lova.

### 43.3.5 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å innføre nye nemningar for grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring spesielt organisert for vaksne: «førebuande opplæring for vaksne» og «vidaregåande opplæring for vaksne», sjå forslaget til femte del i lova
- å vidareføre nemninga «deltakarar» for dei som deltek i førebuande og vidaregåande opplæring for vaksne, sjå forslaget til femte del i lova

## 43.4 Rett til førebuande opplæring for vaksne

### 43.4.1 Dagens reglar

Det følgjer av Grunnlova § 109 at alle har rett til utdanning. Sjå nærmere omtale av den grunnlovfesta retten til utdanning i punkt 9.2.1.

Det følgjer av § 4A-1 at vaksne som treng grunnskoleopplæring, har rett til slik opplæring. I Utdanningsdirektoratets rundskriv, Udir-3-2012, er det utdjupa kva som ligg i vilkåret om at den vaksne *treng* grunnskoleopplæring.

For å få rett til grunnskoleopplæring etter § 4A-1 er det eit vilkår at ein er over grunnskolepliktig alder, ikkje har rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1 (ungdomsrett) og har lovleg opphold i Noreg. Kva som er over grunnskolepliktig alder, er avhengig av når den enkelte byrjar på skolen. Vanlegvis er ein over grunnskolepliktig alder det året ein fyller 16 år. Dei som ventar på å få avgjort søknad om opphaldsløyve, har likevel berre rett til opplæring når dei er under 18 år og det er sannsynleg at dei skal opphalde seg i Noreg i meir enn tre månader.

Det er eit vilkår for rett til grunnskoleopplæring at søkeren har lovleg opphold i Noreg. Rett til grunnskoleopplæring for vaksne som søker opphaldsløyve i Noreg, er omtalt i punkt 41.

### 43.4.2 Høyringsforslaget

Departementet foreslo

- å vidareføre retten til grunnskoleopplæring med enkelte språklege endringar og presiseringsringar, mellom anna
- å ta inn i lova at behovet for grunnskoleopplæring kan vere knytt til fag eller grunnleggjande ferdigheter, og at det skal takast omsyn til kva den vaksne meiner
- å presisere i lova at vaksne har rett til opplæring dersom dei ikkje har fått tilfredsstilande opplæring frå før, dersom dei treng opplæring i fag eller grunnleggjande ferdigheter som ikkje var ein del av læreplanane då dei fekk grunnskoleopplæring, og dersom dei treng ny opplæring på grunn av skade eller sjukdom

Departementet følgde med dette høyringsforslaget delvis opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 45. I motsetningen til forslaget frå utvalet, innebar departementets forslag å vidareføre retten til fornya grunnskoleopplæring på grunn av endringar i samfunnet, typisk i digitale ferdigheter.

### 43.4.3 Høyringsinstansanes syn

Det er i overkant av 20 høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget, og dei fleste av dei støttar forslaget heilt eller delvis.

*Arbeids- og velferdsdirektoratet, Utdanningsdirektoratet* og fleire kommunar er blant dei som støttar forslaget. *Larvik kommune* støttar forslaget, men peikar på at det vil ha økonomiske konsekvensar for kommunen dersom mange vil nytte seg av til dømes retten til å få fornya opplæring i digitale ferdigheter. *Nettverk for kommunal voksenopplæring i Møre og Romsdal* peikar på at mindre kommunar vil ha problem med å skaffe tilstrekkeleg kompetanse, og at både store og små kommunar kan få vanskar med å dekkje utgiftene til opplæring til større grupper vaksne med ulike behov for fornya opplæring. *Kristiansand kommune* er positiv til forslaget, men meiner det bør gjerast tydeleg i lovteksten at retten til grunnskoleopplæring også gjeld der den vaksne har behov for fornya kunnskap.

*Skien kommune* viser til at departementet framhevar at fornya opplæring kan vere særleg aktuelt for digitale ferdigheter, men at kommunen erfarer at det i endå større grad kan vere behov for fornya norskopplæring for minoritets-språklege som tidlegare har hatt norskopplæring, men som har mista kunnskap etter å ha vore heime ein periode. *Time kommune* meiner derimot at forslaget bør avgrensast til berre å handle

om digitale ferdigheiter slik at det ikkje blir opna for uvisse om andre fag.

*Oslo kommune* påpeikar at det gir moglegheit for ein evigvarande rett til grunnskoleopplæring dersom det stadig skal takast omsyn til kva søkjaren sjølv meiner. Kommunen viser til at det i dag kan vere problematisk å avslutte opplæringa på eit godt grunnlag dersom ein person har fått tilfredsstillande opplæring i vaksenopplæringa over mange år, etter oppdatert læreplan, men likevel framleis ønskjer grunnskoleopplæring og kan vise til eit behov. Kommunen etterspør kva som vil vere tilstrekkeleg i slike tilfelle.

#### 43.4.4 Departementets vurdering

##### *Retten til grunnskoleopplæring*

Departementet foreslår å vidareføre at vaksne som treng grunnskoleopplæring, har rett til det. Departementet meiner det bør komme fram av lova at behovet kan vere knytt til fag eller grunnleggjande ferdigheiter fordi det tidlegare har vore spørsmål om dette. Etter gjeldande læreplanar er «grunnleggjande ferdigheiter» lesing, skriving, rekning, munnlege ferdigheiter og digitale ferdigheiter. Med «fag» siktar ein til fag som er omfatta av læreplanverket.

Departementet foreslår også å vidareføre at dei som har rett til vidaregåande opplæring for ungdom, ikkje har rett til grunnskoleopplæring for vaksne. Retten til grunnskoleopplæring for vaksne gjeld elles så lenge den vaksne har behov for opplæring. Sjå likevel punkt 43.26 om krav om aktiv deltaking.

Departementet foreslår å vidareføre at søkeren må ha lovleg opphold i Noreg for å få rett til grunnskoleopplæring for vaksne. Rett til grunnskoleopplæring for vaksne som søker opphaldsløyve i Noreg, er omtalt i punkt 41.

Når det gjeld kva aldersgruppe som har rett til høvesvis vidaregåande opplæring for ungdom og vaksne, viser departementet til punkt 40.2.

##### *Kva som utløyser retten til fornya opplæring*

Departementet foreslår også å presisere i lova at vaksne har rett til opplæring dersom dei ikkje har fått tilfredsstillande opplæring frå før, og dersom dei treng ny opplæring på grunn av skade eller sjukdom. Forslaget samsvarer med tolkingar frå tidlegare forarbeid og Utdanningsdirektoratets rundskriv, Udir-3-2012.

Departementet foreslår også å presisere i lova at vaksne har rett til opplæring dersom dei treng

opplæring i fag eller grunnleggjande ferdigheiter som ikkje var ein del av læreplanane då dei fekk grunnskoleopplæring. Forslaget inneber at ein vaksen kan få rett til fornya grunnskoleopplæring på grunn av endringar i samfunnet, typisk i digitale ferdigheiter. Departementet meiner dette er ei lovfesting av gjeldande rett slik det er uttrykt i forarbeid og rundskriv, og at forslaget dermed ikkje vil medføre auka kostnader. Departementet er enig med *Skien kommune* i at personar som ikkje har norsk som morsmål, kan ha behov for oppfrisking dersom dei har vore lange periodar utanfor opplæring og arbeid. Det er likevel ikkje den typen fornya opplæring forslaget gjeld. *Fornya opplæring* vil omfatta tilfelle der ein person opphavleg har fått tilstrekkeleg opplæring, men samfunnet og kompetanseområda har endra seg, og det krevst andre ferdigheiter. Då gjer ikkje lengre den opphavlege opplæringa personen i stand til å fungere godt i samfunnet. Det er ikkje meint slik at alle endringar i læreplanane gir rett til fornya opplæring. Det må vere vesentlege endringar. Per i dag er det berre opplæring i digitale ferdigheiter som er aktuelt for fornya opplæring, men det kan ikkje sjåast bort frå større endringar i samfunnet og læreplanar framover som vil gi rett til fornya opplæring på andre område. Tidlegare kunne det til dømes vere aktuelt med rett til fornya opplæring i engelsk for dei som ikkje hadde hatt engelsk som ein del av grunnskoleopplæringa, men dette er ikkje lengre aktuelt.

##### *Kva den vaksne meiner sjølv*

Departementet foreslår vidare at det skal takast omsyn til kva den vaksne sjølv meiner i vurderinga av om vedkommande treng, og dermed får rett til grunnskoleopplæring for vaksne. Det er den vaksne som sjølv er nærest til å vurdere om han treng opplæring. Etter vurderinga til departementet er det liten risiko for at vaksne som ikkje treng det, vil be om grunnskoleopplæring. Departementet vil likevel understreke at kva den vaksne meiner ikkje alltid vil vere avgjerande, men det skal leggjast vekt på det. Departementet foreslår å flytte setninga om kva den vaksne sjølv meiner, til slutt i det aktuelle leddet, så det ikkje skal forståast som at dette allein er avgjerande. Om den vaksne oppfyller vilkåra for rett til grunnskoleopplæring, vil vere ei heilskapleg vurdering.

#### 43.4.5 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å vidareføre retten til førebuande opplæring for vaksne med enkelte presiseringar, sjå forslaget til § 18-2. Departementet foreslår mellom anna
  - å ta inn i lova at behovet for førebuande opplæring kan være knytt til fag eller grunnleggjande ferdigheter, og at det skal takast omsyn til kva den vaksne meiner
  - å presisere i lova at vaksne har rett til opplæring dersom dei ikkje har fått tilfredsstilande opplæring frå før, dersom dei treng opplæring i fag eller grunnleggjande ferdigheter som ikkje var ein del av læreplanane da dei fikk grunnskoleopplæring, og dersom dei treng ny opplæring på grunn av skade eller sjukdom
- å vidareføre rett til førebuande opplæring for vaksne for dei som søker om opphaldsløyve, og at dei som får avslag på søknaden, beheld retten fram til tidspunktet for endeleg vedtak om avslag, men endre tidspunktet for når dei som søker om opphaldsløyve, mistar rett til opplæring pga. alder slik at retten gjeld ut det skoleåret som byrjar det kalenderåret dei fyller 18 år. Sjå forslaget § 18-10 første ledd, nærmere omtalt i punkt 41

## 43.5 Rett til vidaregåande opplæring for vaksne

### 43.5.1 Dagens reglar

Retten til vidaregåande opplæring for vaksne er regulert i § 4A-3. Dei som har fullført grunnskolen eller tilsvarande, men som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, har rett til vidaregåande opplæring for vaksne frå og med det året dei fyller 25 år. Dei som har fullført vidaregåande opplæring i eit anna land, men som ikkje får godkjent opplæringa som studiekompetanse eller yrkeskompetanse i Noreg, har også rett til vidaregåande opplæring for vaksne. Det er eit vilkår for rett til vidaregåande opplæring for vaksne at søkeren har lovleg opphold i Noreg. Vaksne som oppheld seg lovleg i Noreg i vente på å få avgjort søknad om opphaldsløyve, har likevel ikkje rett til vidaregåande opplæring.

Departementet er i lova gitt heimel til å gi nærmare forskrifter om mellom anna kven retten gjeld, inntak, rangering og førerett. Det følgjer av forskrift til opplæringslova § 6-45 at vaksne «til vanleg» skal takast inn på eit opplæringstilbod som leier til ønskt sluttkompetanse.

Det følgjer av Utdanningsdirektoratets rundskriv, Udir-2-2008, at vaksne også kan få opplæringa i den ordinære vidaregåande opplæringa

dersom fylkeskommunen vurderer det som tenleg. I slike tilfelle gjeld reglane som gjeld for ungdom (elevar).

Opplæringslova § 13-3 femte ledd regulerer planlegginga og utbygginga frå fylkeskommunane (dimensjonering) av det vidaregåande opplæringstilbodet. Det følgjer av § 4A-4 at denne også gjeld for den vidaregåande opplæringa for vaksne. Sjå omtale av reglane om dimensjonering i punkt 40.9.

### 43.5.2 Høyringsforslaget

Departementet foreslo

- å vidareføre regelen om at vaksne som har fullført grunnskolen, men ikkje har studie- eller yrkeskompetanse, har rett til vidaregåande opplæring for vaksne, og å innføre ein regel om at dei som har studie- eller yrkeskompetanse, har rett til rekvalifisering, nærmere omtalt i punkt 40.2 og 40.3
- å vidareføre reglane om rett til vidaregåande opplæring for dei som har fullført vidaregåande opplæring i eit anna land, men som ikkje får godkjent opplæringa som studiekompetanse eller yrkeskompetanse i Noreg
- å vidareføre regelen om at berre vaksne med lovleg opphold i Noreg har rett til vidaregåande opplæring, men at vaksne som søker om opphaldsløyve, likevel ikkje har rett til vidaregåande opplæring
- å innføre reglar i lova om at vaksne har rett til inntak på eit opplæringstilbod som fører fram til éin av tre sluttkompetansar som den vaksne har søkt på. I tillegg foreslo departementet ei plikt for fylkeskommunen til å sørge for at vaksne med stor realkompetanse kan få formalisert kompetansen sin.
- å vidareføre heimelen til å gi forskrift om kven som har rett til vidaregåande opplæring og om inntak
- å ta inn i lova at fylkeskommunen kan tilby vaksne ordinær vidaregåande opplæring for ungdom, og at reglane for ungdom gjeld for vaksne som tek imot slikt tilbod
- å vidareføre ansvaret til fylkeskommunen for dimensjonering av det vidaregåande opplæringstilbodet for vaksne, tilsvarande som for ungdom

Forsлага må sjåast i samanheng med forslag om utvida rett til vidaregåande opplæring og rett til rekvalifisering, som også gjeld vaksne, omtalt i punkt 40.2 og 40.3, og forslag om å krav til planlegging og utbygging (dimensjonering) i det vida-

regående opplæringstilbodet generelt, omtalt i punkt 40.9.

Forutan om utvidingane i retten til vidaregående opplæring (omtalt i punkt 40.2 og 40.3) var forslaget i all hovudsak i samsvar med forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 45.

### 43.5.3 Høyringsinstansanes syn

#### Kven som blir omfatta av retten

Det er om lag 25 høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaga som gjeld rett til vidaregående opplæring for vaksne. Dei fleste høyringsinnspela gjeld forslaget om utvida rett til vidaregående opplæring, som omfattar ei vidareføring av retten til vidaregående opplæring for vaksne som ikkje har studie- eller yrkeskompetanse, og forslaget om rett til rekvalifisering. Høyringsinnspela til desse forslaga er omtalte samla for ungdom og vaksne i punkt 40.2 og 40.3.

Det er ingen som eksplisitt kommenterer forslaget om rett til vidaregående opplæring for dei som har fullført vidaregående opplæring i eit anna land, men fleire støtter vurderingane og forslaga frå departementet generelt.

*Arbeids- og velferdsdirektoratet* viser til at personar som oppheld seg lovleg i landet, men som ventar på vedtak, kan få ein betydeleg lengre veg til integrering i samfunnet og deltaking i arbeidslivet i tilfelle med lang saksbehandlingstid dersom dei ikkje får tilgang til vidaregående opplæring. *Arbeids- og velferdsdirektoratet* meiner derfor det bør vurderast om det er mogleg for denne gruppa å delta i opplæring.

#### Reglar om inntak

Det er om lag 20 høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget om inntak, og dei fleste høyringsinstansane støttar forslaget. *Arbeids- og velferdsdirektoratet*, fleire statsforvaltarar og fylkeskommunar, NHO og *Utdanningsforbundet* er blant dei som støttar forslaget heilt eller delvis.

*Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir)* viser til forslaget i Meld. St. 21 (2020–2021) om at modulisert opplæring skal vere hovudmodell i opplæring for vaksne, og meiner vaksne bør kunne velje vidaregående opplæring for ungdom og at det bør vere lopande inntak til modular i vaksenopplæringa. *HK-dir* støttar forslaget om at søkerar skal komme inn på eit opplæringstilbod som fører fram til éin av tre slutt-kompetansar personen har søkt på, men under-

strekar at dette medfører eit større handlingsrom for fylkeskommunen enn dagens ordning, og at karriererettleiing til den vaksne då blir endå viktigare enn i dag. *Statsforvaltaren i Agder* støttar forslaget, men meiner at vaksne bør kunne søkje på alle utdanningsprogram og programområde innan vidaregåande opplæring.

*Utdanningsforbundet ved Voksenopplæringen Bærum kommune* støttar ikkje forslaget, men ønskjer å behalde ordninga med at alle over 25 år kjem inn på førstevalet sitt, då dei meiner at fleste vaksne har meir gjennomtenkte val av utdanning og har mindre tid å miste. YS ber også departementet revurdere dette forslaget og meiner forslaget går i motsett veg av målet om at fleire skal fullføre vidaregåande opplæring.

*Innlandet fylkeskommune* støttar forslaget, men ønskjer ei utgreiing av om personar med stor real-kompetanse kan påleggjast å dekkje utgiftene for formalisering av denne kompetansen, då dette ofte er personar som har inntektsgivande arbeid.

*Oslo kommune* meiner det er behov for ei presisering av kva tilbod om formalisering av kompetansen fylkeskommunen er lovpålagd å tilby. *Statsforvaltaren i Innlandet* meiner også at regelen om formalisering av kompetanse bør presiserast slik at hensikta kjem tydelegare fram.

#### Dimensjonering

Dei fleste av dei som har uttalt seg om forslaget om dimensjonering av tilbodet om vidaregående opplæring for vaksne, støttar forslaget. *Arbeids- og velferdsdirektoratet*, fleire fylkeskommunar og *Interesseorganisasjonen for kommunal voksenopplæring (IKVO)* er blant dei som støttar forslaget.

Enkelte peikar på at det er mangel på vidaregåande opplæringstilbod i dag, og at vaksne kan måtte vente lenge på inntak. Mellom anna peikar *Arbeids- og velferdsdirektoratet* på at lang ventetid kan vere eit stort hinder for at Navs brukarar kan ta opplæring. Direktoratet understrekar at det har mykje å seie at Nav-brukarar med behov for opplæring – og rett til livsopphaldsyting som kan kombinerast med opplæring – får hove til å ta opplæring innanfor varigheita på ytinga.

*Viken fylkeskommune* støttar ikkje forslaget. Fylkeskommunen meiner det ikkje er urimeleg å forvente at fullføringsreforma vil leggje ytterlegare press på behovet for fleire plassar både for ungdom og vaksne, og at det vil bli svært krevjande med same krav til planlegging og utbygging i det vidaregåande opplæringstilbodet til vaksne som til ungdom utan at fylkeskommunane blir kompenserte økonomisk fullt ut for

dette. Fylkeskommunen meiner det også vil bli krevjande å dimensjonere eit tilbod for vaksne på kort varsel når dei i utgangspunktet veit lite både om kor mange som søker, og søkermønster (ønske).

Departementet foreslo like reglar for dimensjoneringa av vidaregåande opplæring for ungdom og vaksne. Høyringsinnspel til innhaldet i forslaget er omtalt i punkt 40.9.3.

#### **43.5.4 Departementets vurdering**

##### **43.5.4.1 Kven som blir omfatta av retten til vidaregåande opplæring**

Departementet foreslår ein utvida rett til vidaregåande opplæring, som omfattar ei vidareføring av retten til vidaregåande opplæring for vaksne som ikkje har studie- eller yrkeskompetanse, og ein rett til rekvalifisering, sjå omtale i punkt 40.2 og 40.3.

Departementet foreslår å vidareføre reglane om rett til vidaregåande opplæring for dei som har fullført vidaregåande opplæring i eit anna land, men som ikkje får godkjent opplæringa som studiekompetanse eller yrkeskompetanse i Noreg.

Departementet foreslår å vidareføre rett til grunnskoleopplæring for vaksne for dei som søker om opphaldsløyve, og at dei som får avslag på søknaden, beheld retten fram til tidspunktet for endeleg vedtak om avslag, men å endre tidspunktet for når den enkelte mistar rett til opplæring på grunn av alder, sjå omtale i punkt 41.

Departementet foreslår også å vidareføre dagens regel om at berre vaksne med lovleg opphold i Noreg har rett til vidaregåande opplæring, men at vaksne som søker om opphaldsløyve, likevel ikkje har rett til vidaregåande opplæring. Departementet er enig med *Arbeids- og velferdsdirektoratet* i at vaksne kan få ein lengre veg til integrering dersom dei ikkje får vidaregåande opplæring medan dei ventar på å få avgjort ein søknad om opphaldsløyve. Samtidig er det eit spørsmål om ressursbruk og prioritering, og departementet har komme til at det bør førast vidare at ein først får rett til vidaregåande opplæring når ein har fått opphaldsløyve.

##### **43.5.4.2 Reglar om inntak**

Departementet foreslår at den som har rett til vidaregåande opplæring for vaksne, skal ha rett til eit opplæringstilbod som fører fram til éin av tre sluttkompetansar som personen har søkt på. Dette er ei innskrenking av dagens reglar om at

vaksne til vanleg skal takast inn på eit opplæringsstilbod som leier til ønskt sluttkompetanse. Departementet meiner det er nødvendig å gi fylkeskommunane det handlingsrommet dei treng for å kunne oppfylle den utvida retten til vidaregåande opplæring som blir foreslått i denne proposisjonen. Ein slik regel vil likne meir på retten som ungdom har, men vaksne vil framleis ha ein betre rett ved at retten blir knytt til sluttkompetanse og ikkje til utdanningsprogram. At retten blir knytt til sluttkompetanse, er nødvendig for å halda ved lag eigenarten i vaksentilboden, og høyringsinstansane støttar dette. Departementet viser elles til at det er løpende inntak til vidaregåande opplæring for vaksne ved at det i gjeldande forskrift til opplæringslova § 6-47 er krav om at vaksne skal få tilbod innan rimeleg tid uavhengig av dei ordinære søknadsfristane for vidaregåande opplæring. Departementet er samd med *Direktoratet for høyere utdanning og kompetans* i at inndeling i modular kan gjere det enklare å praktisere dette på ein god måte.

Departementet meiner vaksne ikkje bør få rett til å velje tilbod for ungdom, slik *Statsforvaltaren i Agder* peikar på. Departementet foreslår derimot, som i dag, at fylkeskommunen kan velje å tilby vaksne dette, og at vaksne då kan delta i slike tilbod med same rettar som ungdom. Departementet foreslår å halde på at retten til inntak skal gjelde innanfor tilboden til fylkeskommunen (sjå nedanfor om dimensjonering) fordi alternativet vil vere at fylkeskommunen kan bli tvinga til å opprette eit tilbod for éin eller svært få deltakrar. Dette er elles også dagens regel, og det gjeld tilsvarande for ungdom.

Departementet foreslår i tillegg at fylkeskommunane får ei plikt til å sørge for at vaksne med betydeleg realkompetanse knytt til ein bestemt yrkeskompetanse får høve til å formalisere denne kompetansen. Fylkeskommunane kan oppfylle denne plikta ved å formidle lærerlass, gi opplæringstilbod eller på andre måtar leggje til rette for at kompetansen kan bli formalisert. Andre måtar kan vere å tilby kurs før teoriprøve slik at den vaksne kan ta fagbrev som praksiskandidat eller leggje til rette for fagbrev på jobb. Kva som er betydeleg realkompetanse, må vurderast konkret av fylkeskommunane. Vilkåret vil vere oppfylt dersom vaksne har kunnskap og ferdigheter på eit slikt nivå og av eit slikt omfang at dei kan formalisere kompetansen gjennom ordningane nemnde ovanfor, eventuelt med opplæring i enkelte fag i tillegg. Det vil då vere opp til den vaksne å nytte eit tilbod om formalisering av kompetansen eller søker inntak på opplæringstilbod

som gir éin av tre sluttkompetansar. Departementet ser ikkje behovet for å greie ut om personar med betydeleg realkompetanse kan påleggjast å dekkje utgiftene for formalisering av denne kompetansen, slik *Innlandet fylkeskommune* foreslår. Plikta som departementet foreslår, gjeld overfor vaksne med rett til vidaregåande opplæring. Desse har rett til gratis opplæring og bør ikkje påleggjast å betale dersom dei vel ein annan, og truleg mindre kostnadskrevjande, veg til å oppnå yrkeskompetanse.

Departementet foreslår å ta inn i lova at fylkeskommunen kan tilby vaksne ordinær vidaregåande opplæring for ungdom, og at reglane for ungdom gjeld for vaksne som tek imot slikt tilbod. Forslaget lovfestar det som i dag følgjer av rundskriv.

Departementet foreslår elles å vidareføre heimelen til å gi forskrift om kven som har rett til vidaregåande opplæring, og om inntak med enkelte språklege endringar.

#### **43.5.4.3 Planlegging og utbygging av det vidaregåande tilbodet (dimensjonering)**

Departementet foreslår å vidareføre like reglar for dimensjonering av det vidaregåande tilbodet for vaksne som for ungdom, noko dei fleste høyningsinstansane støttar. Ettersom det er langt færre vaksne enn ungdom med rett til vidaregåande opplæring, kan omfanget av tilboden vere mindre, men plikta til å dimensjonere ut frå behovet i samfunnet tilseier at breidda i tilboden ikkje skal vere vesentleg smalare enn for ungdom. Fylkeskommunane må dessutan ha nok plassar til å oppfylle retten til inntak innan rimeleg tid.

Dimensjoneringa av det vidaregåande opplæringstilboden er omtalt i punkt 40.9.

#### **43.5.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å vidareføre regelen om at vaksne som har fullført grunnskolen eller tilsvarande, men ikkje har studie- eller yrkeskompetanse, har rett til vidaregåande opplæring for vaksne, og å innføre ein regel om at dei som har studie- eller yrkeskompetanse, har rett til rekvalifisering, nærmare omtalt i punkt 40.2 og 40.3, sjå forslaget § 18-3 første ledd og § 18-4
- å vidareføre reglane om rett til vidaregåande opplæring for dei som har fullført vidaregåande opplæring i eit anna land, men som ikkje får godkjent opplæringa som studiekompetanse

eller yrkeskompetanse i Noreg, sjå forslaget til § 18-3 første ledd andre punktum

- å vidareføre regelen om at berre vaksne med lovleg opphold i Noreg har rett til vidaregåande opplæring, men at vaksne som søker om opphaldsløyve, likevel ikkje har rett til vidaregåande opplæring, sjå forslaget til § 18-10 andre ledd
- å lovfeste at vaksne har rett til inntak på eit opplæringstilbod som fører fram til ein av tre sluttkompetansar som den vaksne har søkt på. I tillegg skal fylkeskommunen ha ei plikt til å sørge for at vaksne med stor realkompetanse får formalisert kompetansen sin, sjå forslaget til § 18-3 andre ledd
- å vidareføre heimelen til å gi forskrift om kven som har rett til vidaregåande opplæring og om inntak, sjå forslaget § 18-3 fjerde ledd
- å ta inn i lova at fylkeskommunen kan tilby vaksne ordinær vidaregåande opplæring for ungdom, og at reglane for ungdom gjeld for vaksne som tek imot slikt tilbod, sjå forslaget § 18-3 tredje ledd
- å vidareføre ansvaret til fylkeskommunen for dimensjonering av det vidaregåande opplæringstilboden, tilsvarande som for ungdom, sjå forslaget til § 19-11

### **43.6 Rett til læreplass for vaksne**

#### **43.6.1 Dagens reglar**

Opplæringslova regulerer ikkje uttrykkjeleg kva reglar som gjeld når vaksne får opplæring i bedrift. I Utdanningsdirektoratets rundskriv, Udir-3-2012, er det lagt til grunn at ein vaksen som får opplæring i bedrift, har dei same rettane og pliktene som ungdom som får opplæring i bedrift. I opplæringslova § 3-3 er det krav om at fylkeskommunane må tilby opplæring i skole dersom dei ikkje kan formidle læreplass til ungdommar i fag som føreset opplæring i bedrift. Det er lagt til grunn at tilsvarande gjeld for vaksne.

Reglane om opplæring i bedrift for ungdom er omtalte i punkt 42.

#### **43.6.2 Høyningsforslaget**

Departementet foreslo

- å lovfeste at reglane for opplæring i bedrift for ungdom også gjeld for vaksne som får opplæring i bedrift
- at vaksne skal ha rett til læreplass, eller dersom dei ikkje får tilbod om læreplass, andre opp-

læringstilbod som fører fram til fag- eller sveineprøve

- å opne for at fylkeskommunen kan tilby alternativ opplæring som kombinerer ungdoms- og vaksentilbod

Forslaga om opplæring i bedrift for ungdom er omtalte i punkt 42.

Forslaga skilde seg frå forslaget til opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 45, ved at departementet foreslo ein rett til lærepllass, og ikkje berre ei plikt for fylkeskommunen til å tilby opplæring dersom dei ikkje finn lærepllass. I tillegg opna forslaget frå departementet for at fylkeskommunen kunne tilby alternativ opplæring som kombinerte ungdoms- og vaksentilbod, medan utvalet foreslo at det alternative tilbodet måtte vere ein del av den ordinære vaksenopplæringa.

### 43.6.3 Høyningsinstansanes syn

Det er om lag 20 høyningsinstansar som har uttalt seg om departementets forslag om å innføre rett til lærepllass eller anna opplæringstilbod for vaksne og om å presisere at dei ordinære reglane om opplæring i bedrift gjeld for vaksne som får opplæring i bedrift.

Fleirtalet av dei som har uttalt seg om forslaget, støttar det. *Innlandet fylkeskommune, Nordland fylkeskommune, Nettverk for kommunal voksenopplæring i Møre og Romsdal, Interesseorganisasjonen for kommunal voksenopplæring (IKVO) og Utdanningsforbundet* er blant dei som støttar forslaget. Fleire, mellom andre *Innlandet fylkeskommune*, støttar at alternativ opplæring ikkje må organiserast som eige vaksentilbod, men at fylkeskommunen kan samordne slik opplæring for ungdom og vaksne utan lærepllass. *NHO* støttar ikkje forslaget om å innføre at vaksne har rett til lærepllass eller anna opplæringstilbod, og viser til at bedrifter ikkje kan påleggjast å ta inn lærlingar. Det er også fleire høyningsinstansar som er skeptiske til ordlyden «rett til lærepllass», men som støttar intensjonen om at vaksne skal få anten opplæring i bedrift eller alternativ opplæring. Mellom anna er *Viken fylkeskommune* skeptisk til formuleringa «rett til lærepllass». Høyningsinnspela til forslaget om tilsvarande reglar for ungdom er omtalte i punkt 42.

### 43.6.4 Departementets vurdering

Departementet foreslår å ta inn i lova at reglane for opplæring i bedrift for ungdom også gjeld for

vaksne som får opplæring i bedrift. Forslaget lovfestar gjeldande rett, og høyningsinstansane støttar forslaget.

Når det gjeld forslaget om rett til lærepllass med tilhøyrande plikt til å gi eit alternativt tilbod, viser departementet til vurderingane i punkt 42. Departementet foreslår tilsvarande reglar for vaksne, men med tilpassingar i ordlyden ettersom den vidaregåande opplæringa for vaksne ikkje er organisert i trinn.

Departementet legg til grunn at alternative opplæringstilbod til opplæring i bedrift kan vere kombinerte ungdoms- og vaksentilbod. Opplæring i lærebedrift er hovudordninga, og alternativ opplæring er berre aktuelt dersom dei det gjeld, ikkje får tilbod om lærepllass. Fylkeskommunane bør dermed kunne ha eit samla tilbod til ungdommar og vaksne.

### 43.6.5 Departementets forslag

Departementet foreslår

- at vaksne skal ha rett til lærepllass, eller dersom dei ikkje får tilbod om lærepllass, andre opplæringstilbod som fører fram til fag- eller sveineprøve, sjå forslaget til § 18-6 første ledd
- å lovfeste at reglane for opplæring i bedrift for ungdom også gjeld for vaksne som får opplæring i bedrift, sjå forslaget til § 18-6 andre ledd

## 43.7 Rett til påbygging og opplæring fram til studiekompetanse for vaksne

### 43.7.1 Dagens reglar

Det følgjer av opplæringslova § 4A-3 sjuande ledd at vaksne som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring som ein del av ungdomsretten etter § 3-1 eller innan utgangen av det året dei fyller 24 år, har rett til påbygging til generell studiekompetanse. Retten gjeld berre dei som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring i 2014 eller seinare. Retten kan takast ut når som helst etter fullført og bestått fag- og yrkesopplæring.

### 43.7.2 Høyningsforslaget

Departementet foreslo

- å vidareføre ein rett til påbygging til generell studiekompetanse for vaksne, men utvide retten slik at han ikkje er avgrensa til dei som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring som ein del av ungdomsretten eller før fylte 25 år og

- i 2014 eller seinare og ikkje er avgrensa til eitt år med påbygging
- å ikkje vidareføre presiseringa i lovteksten om at retten til påbygging kan takast ut når som helst etter fullført og bestått fag- og yrkesopplæring

Forslaget om å ta ut avgrensinga om at retten til påbygging kan takast ut når som helst etter fullført og bestått fag- og yrkesopplæring, var ei oppfølging av forslaget til opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 45. Forsлага var elles nye samanlikna med forslaga frå utvalet.

### 43.7.3 Høyringsinstansanes syn

Alle dei om lag 15 høyringsinstansane som har uttalt seg om det, støttar forslaget om påbygging til generell studiekompetanse for vaksne heilt eller delvis. Blant dei som støttar forslaget, er *Arbeids- og velferdsdirektoratet*, fleire fylkeskommunar, *Norsk Lektorlag* og *Utdanningsforbundet*. *Møre og Romsdal fylkeskommune* støttar forslaget, men med føresetnad om midlar til utviding av opplæringstilbodet for vaksne.

Forslaget om å oppheve avgrensinga på eitt år gjeld også påbygging i vidaregåande opplæring for ungdom. Høyringsinnspel til denne delen av forslaget er omtalt i punkt 40.5.3.

### 43.7.4 Departementets vurdering

#### 43.7.4.1 Påbygging til generell studiekompetanse

Departementet foreslår å vidareføre retten til påbygging for vaksne, men ikkje vidareføre avgrensingane om at han berre gjeld dei som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring før 24 år eller som ein del av ungdomsretten i 2014 eller seinare.

Ettersom departementet foreslår å innføre ein generell rett til yrkesfagleg rekvalifisering, vil det gi lite mening å halde på dagens avgrensingar i retten til påbygging til generell studiekompetanse, då det ville ført til at vaksne får ein betre rett til fagbrev nummer to enn til studiekompetanse i tillegg til fagbrev. Departementet går ut frå at påbygging er mest aktuelt for dei som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring som ein del av ungdomsretten, og at det derfor ikkje vil bli betydeleg fleire deltakarar dersom denne avgrensinga blir fjerna. For mange fagarbeidrarar vil påbygging vere den lengste vegen mot studiekompetanse. Det er derfor heller ikkje grunn til å tru at det vil bli vesentleg fleire vaksne som vil ta

påbygging sjølv om det blir opna for dei som tok fag- eller sveinebrev før 2014.

Departementet foreslår også å oppheve avgrensinga på eitt år med påbygging. Departementet viser til vurderingane til punkt 40.5. Når det gjeld kva aldersgruppe som har rett til høvesvis vidaregåande opplæring for ungdom og vaksne, viser departementet også til punkt 40.5.

Departementet foreslår også å ta ut av lovteksten at retten kan takast ut når som helst etter fullført og bestått fag- og yrkesopplæring, fordi dette er ei unødvendig presisering.

#### 43.7.4.2 Opplæring fram til generell studiekompetanse

I vidaregåande opplæring blir det gjennomført eit forsøk med modulstrukturert fag- og yrkesopplæring for vaksne i utvalde lærefag. Det er utvikla modulstrukturerte læreplanar i 13 lærefag. Utdanningsdirektoratet har fått i oppdrag å modulstrukturere eksisterande læreplanar for dei lærefaga som i dag er med i modulforsøket. Dei modulstrukturerte læreplanane skal byggje på erfaringane som ein har gjort seg i forsøket, og skal etter planen bli tatt i bruk permanent frå hausten 2024. I resten av lærefaga skal det brukast eksisterande læreplanar.

Dei moduliserte læreplanane for fag- og yrkesopplæring for vaksne skal omfatte heile læreplanen for vidaregående trinn 3 (vg3). I tillegg skal modulane inkludere relevante kompetanse mål frå programfag i vg1 og vg2 som er nødvendige for å oppnå sluttkompetansen. Modulane vil omfatte nokre kompetanse mål frå vg2 norsk og vg2 samfunnsfag og enkelte andre kompetanse mål frå fellesfaga. Elles vil ikkje modulane omfatte fellesfag.

Påbygging til studiekompetanse bygger på at deltagarane har alle faga som inngår i eit opplæringsløp i samsvar med gjeldande læreplanverk for ungdom, og også for vaksne dersom det blir brukt felles læreplanar. Dei som har fullført og bestått modulert fag- og yrkesopplæring, vil derfor ikkje ha rett til påbygging til studiekompetanse. Dei vil heller ikkje ha tilstrekkeleg fagleg kompetanse til å ta påbygging ettersom dei manglar fellesfag. Samtidig er det ei utfordring dersom dei som tar modulert fag- og yrkesopplæring, ikkje har moglegheita til å ombestemme seg og få opplæring mot studiekompetanse.

Departementet foreslår derfor at dei som har fullført og bestått modulert fag- og yrkesopplæring, skal ha rett til opplæring fram mot generell studiekompetanse. Dette inneber ein rett til meir vidaregåande opplæring for vaksne, med studie-

kompetanse som mål. Etter vanlege reglar skal opplæringa byggje på den kompetansen den vaksne har.

Med den planlagde moduliseringa blir modulert fag- og yrkesopplæring einaste modellen for vaksne som ønskjer seg (og får inntak til) opplæring innanfor dei lærefaga der det er modulerte læreplanar. Dersom vedkommande seinare ombestemmer seg og ønskjer studiekompetanse, har vedkommande rett til inntak på eit opplæringstilbod som gir generell studiekompetanse.

Utfordringa med manglande fellesfag med tanke på mogleg påbygg kan også vere aktuell for andre som har oppnådd fag- eller sveinebrev, til dømes gjennom fagbrev på jobb eller praksiskandidatordninga. For at desse ikkje skal få ein vesentleg därlegare rett enn dei som nyttar seg av retten til opplæring, foreslår departementet at desse også får ein rett til opplæring fram mot generell studiekompetanse.

Forslaget om ein rett til opplæring fram mot studiekompetanse for dei som har oppnådd yrkeskompetanse utan å ha bestått fellesfaga som normalt inngår i opplæringsløpet, gjeld opplæringa for vaksne. Det følgjer av forslaget til § 18-3 at ungdom kan velje opplæring for vaksne frå det skoleåret som startar det året dei fyller 19 år. Enkelte vil kunne ha oppnådd ein yrkeskompetanse før dette tidspunktet. For å unngå opphold i opplæringa for dei som vil ha studiekompetanse etter oppnådd yrkeskompetanse og enno ikkje har oppnådd aldersgrensa på 19 år, foreslår departementet at retten til opplæring fram mot studiekompetanse etter dette forslaget skal gjelde uavhengig av aldersgrensa på 19 år i § 18-3 i forslaget.

### 43.7.5 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å vidareføre ein rett til påbygging til generell studiekompetanse for vaksne, men utvide retten slik at han ikkje er avgrensa til dei som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring som ein del av ungdomsretten eller før fylte 25 år og i 2014 eller seinare og ikkje er avgrensa til eitt år med påbygging, sjå forslaget til § 18-7 første ledd
- å ikkje vidareføre presiseringa i lovteksten om at retten til påbygging kan takast ut når som helst etter fullført og bestått fag- og yrkesopplæring
- å innføre ein rett til opplæring fram mot studiekompetanse for dei som har oppnådd yrkeskompetanse utan å ha bestått fellesfaga som

normalt inngår i opplæringsløpet, sjá forslaget til § 18-7 andre ledd

## 43.8 Formålet med opplæringa for vaksne og overordna mål og prinsipp

### 43.8.1 Dagens reglar

Det følgjer av § 4A-6 første punktum at § 1-1 om formålet med grunnopplæringa gjeld for vaksne så langt det passar. I § 4A-6 andre punktum står det at overordna del av læreplanverket gjeld «med dei tilpassingar som følgjer av dette kapittelet».

### 43.8.2 Høyningsforslaget

Departementet foreslo

- å vidareføre at dagens § 1-1 om at formålet med og dei overordna måla og prinsippa for opplæringa gjeld så langt det passar for opplæringa for vaksne
- å lovfeste eit tilleggsformål om at opplæring må kunne byggje på den kompetansen vaksne alle reie har, og kunne gjennomførast slik at deltar karane kan gå ut i arbeid eller vidare utdanning så raskt som mogleg

Forslaget om å vidareføre at formålet med og dei overordna måla og prinsippa for opplæringa gjeld så langt det passar var ei oppfølging av opplæringslovutvalets forslag i NOU 2019: 23, kapittel 45. Forslaget om et tilleggsformål var nytt i departementets høyring.

### 43.8.3 Høyningsinstansanes syn

Dei fleste av dei om lag 15 høyningsinstansane som har uttalt seg om formålet, støttar forslaget. *Statsforvaltaren i Oslo og Viken* og fleire kommunar og fylkeskommunar er blant dei som støttar forslaget. *Statsforvaltaren i Oslo og Viken* meiner at realkompetansevurdering også burde vore nemnd.

*Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir)* meiner formålet bør vere at vaksne gjennom eit effektivt opplæringsløp tilpassa behovet og kompetansen til den enkelte oppnår ei varig tilknyting til arbeidslivet eller går inn i utdanning som kan gi varig tilknyting til arbeidslivet. *EL og IT Forbundet* meiner det foreslalte tilleggsformålet er for snevert ved at det ikkje omfattar dei som treng ny kompetanse, eller dei som er i arbeid, men har behov for kompetanseheving.

*Halden kommune* støttar ikkje forslaget om ein felles formålsparagraf som også skal gjelde for vaksne deltakarar så langt han passar, men meiner at tilleggsregelen som blir foreslått for vaksne, bør ta opp i seg dei relevante delane av formålsregelen for barn og unge.

#### 43.8.4 Departementets vurdering

Etter vurderinga til departementet er formålet i § 1-1 i stor grad aktuelt også for opplæringa for vaksne. Det er enkelte element, som samarbeid med heimen, som ikkje passar for vaksne. I tillegg vil danningsperspektivet vere tona meir ned i opplæringa for vaksne. Departementet meiner at desse forskjellane er tilstrekkeleg varetekne ved å vidareføre at det generelle formålet med opplæringa gjeld så langt det passar. Departementet meiner det blir unødvendig dobbeltregulering dersom dei relevante elementa i den generelle formålsparagrafen skal gjentakast i ein eigen paragraf om formålet med opplæringa for vaksne. Departementet foreslår derfor å vidareføre at det generelle formålet med opplæringa gjeld så langt det passar, og lovfeste tilleggsformål som gjeld særskilt for opplæringa for vaksne.

Departementet meiner at det er behov for eit tilleggsformål der det blir framheva element som er særleg viktige i opplæringa for vaksne, og som skil denne opplæringa frå opplæringa til barn og unge. Departementet har vurdert innspela til utforminga av tilleggsformålet. Departementet meiner det ikkje er grunn til å nemne realkompetansevurdering særskilt i tilleggsformålet, då dette følgjer implisitt av at opplæringa skal byggje på den kompetansen den vaksne har. Departementet er samd med *EL og IT Forbundet* i at formålet som vart foreslått i høyringa, ikkje er dekkjande for dei som treng ny kompetanse, eller for dei som er i arbeid, men har behov for kompetanseheving. Eit formål treng ikkje å omfatte alle som kan nytte seg av opplæring for vaksne, men departementet er samd i at dette behovet er så sentralt at det bør inkluderast i formålet. Departementet forslår derfor at formålet blir formulert slik: «Opplæringa skal byggje på den kompetansen deltakarane allereie har, og skal leggjast opp slik at deltakarane så raskt som mogleg kan oppnå relevant kompetanse for arbeid eller vidare utdanning.» Departementet meiner denne formuleringa tek inn over seg at behovet kan endrast, og at det ikkje er nødvendig at det står eksplisitt at målet er varig tilknyting til arbeidslivet.

#### 43.8.5 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å vidareføre at dagens § 1-1 om formålet med opplæringa og dei overordna måla og prinsippa for opplæringa gjeld så langt det passar for opplæringa for vaksne, sjå forslaget til § 18-1 første punktum
- å lovfeste eit tilleggsformål om at opplæring skal byggje på den kompetansen deltakarane allereie har, og bli lagd opp slik at deltakarane så raskt som mogleg kan oppnå relevant kompetanse for arbeid eller vidare utdanning, sjå forslaget til § 18-1 andre punktum

### 43.9 Vidaregående opplæring i kombinasjon med grunnskoleopplæring

#### 43.9.1 Dagens reglar

Søkjrarar må ha fullført grunnskoleopplæring for å ha rett til vidaregående opplæring for vaksne. Forkrift til opplæringslova § 1-15 siste ledd opnar for at deltakarar i grunnskoleopplæring for vaksne kan få opplæring i fag på vidaregåande nivå når dei har tilstrekkeleg kompetanse i faget, på same vilkår som for ungdom. Dette gjeld for fellesfag og programfag som byggjer på fag i grunnskolen. Regelverket opnar elles ikkje for at vaksne kan givast vidaregående opplæring i kombinasjon med grunnskoleopplæring. Med heimel i opplæringslova § 1-5 er det innvilga forsøk der deltakarane får opplæring i modular på grunnskolenivå og vidaregåande nivå parallelt (kombinasjonsforsøket).

#### 43.9.2 Høyringsforslaget

Departementet foreslo å leggje til rette for at deltakarar kan ta vidaregående opplæring i kombinasjon med grunnskoleopplæring, ved å opne for at fylkeskommunen kan tilby vidaregående opplæring til vaksne som ikkje har fullført grunnskoleopplæring.

Forslaget var nytt samanlikna med forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23.

#### 43.9.3 Høyringsinstansanes syn

Det er om lag 15 høyringsinstansar som har uttalt seg om departementets forslag. Alle som har uttalt seg om det, støttar forslaget, men enkelte meiner det ikkje går langt nok. *Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi)* meiner det bør inn-

førast ein rett til opplæring i vidaregåande opplæring i kombinasjon med grunnskoleopplæring for vaksne som har behov for dette. *Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir)* meiner at det er viktig at framtidig regelverk legg til rette for at vaksne skal kunne delta i opplæring på ulike utdanningsnivå parallelt, og at regelverket derfor bør formast ut slik at grunnopplæringa for vaksne blir eit heilskapleg, fleksibelt og saumlaust opplæringsløp. *Utdanningsforbundet* støttar departementets forslag og er samd i at ei innføring av rett til kombinerte tilbod bør venta på evalueringa av kombinasjonsforsøket.

#### 43.9.4 Departementets vurdering

Nokre vaksne har kompetanse på nivået vidaregåande opplæring i enkelte fag og treng samtidig opplæring i enkelte fag frå grunnskoleopplæringa for at denne skal vere fullført. Ettersom dei ikkje har fullført grunnskoleopplæring, oppfyller dei ikkje vilkåra for rett til vidaregåande opplæring. For denne gruppa vaksne kan utdanningsløpa bli unødvendig lange og lite motiverande dersom opplæringa på vidaregåande nivå må vente til grunnskoleopplæringa er fullført. For at vaksne i denne gruppa skal få eit mest mogleg effektivt opplæringstilbod og bli raskast mogleg kvalifiserte for arbeidslivet, bør det leggjast til rette for at dei kan få opplæringa på grunnskolenivå og vidaregåande nivå samtidig.

Departementet meiner det er gode grunnar til at vaksne skal få ta vidaregåande opplæring i kombinasjon med grunnskoleopplæring. Sluttkompetanse på vidaregåande nivå bør vere ei målsetjing i dei fleste tilfella, og det vil vere meir motiverande og effektivt for den vaksne med ei heilskapleg opplæring som supplerer realkompetansen til den vaksne uavhengig av nivå. Departementet foreslår å leggje til rette for at deltakarar kan ta vidaregåande opplæring i kombinasjon med førebuande opplæring (grunnskoleopplæring). Til forskjell frå det som følgjer av gjeldande forskrift til opplæringslova § 1-15 siste ledd, foreslår departementet at moglegheta ikkje skal vere avgrensa til fag som byggjer på fag i grunnskoleopplæring, og at det ikkje er nødvendig med vedtak frå kommunane. Fylkeskommunane kan dermed tilby opplæring innanfor alle fag i vidaregåande opplæring.

Ansvaret for grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne er delt mellom kommunane og fylkeskommunane. Opplæring på vidaregåande nivå i kombinasjon med grunnskoleopplæring føreset derfor eit samarbeid mellom den aktuelle kommunen og fylkeskommunen. Kom-

munen og fylkeskommunen kan nytta andre til å gi opplæring (sjå punkt 43.22), så det kan til dømes vere mogleg at fylkeskommunen gir deltararane opplæring både på grunnskolenivå og vidaregåande nivå, men at grunnskoledelen blir gitt på vegner av kommunen.

Departementet har forståing for innspela frå *IMDi* og *HK-dir* og er samd i at det på sikt bør bli eit heilskapleg og fleksibelt grunnopplæringsløp for vaksne. Departementet meiner likevel at det ikkje kan innførast ein rett til dette no, men at det kan bli aktuelt å vurdere dette etter evaluering av kombinasjonsforsøket (sjå omtale i punkt 43.9.1).

Ettersom det etter forslaget ikkje skal vere nokon rett til opplæring på vidaregåande nivå i kombinasjon med grunnskoleopplæring, ser departementet ikkje behov for å regulere nokon avgrensingar eller vilkår. Departementet legg til grunn at fylkeskommunane sjølv vil vurdere om det er tenleg å tilby opplæring på vidaregåande nivå til personar som ikkje har fullført grunnskoleopplæring. Dette vil typisk kunne vere aktuelt der den vaksne har realkompetanse innanfor eit yrkesfag, men elles manglar ein del opplæring på grunnskolenivå. Det kan også vere aktuelt der som den vaksne berre manglar opplæring i nokre fag på grunnskolenivå og elles er i stand til å følgje fag på vidaregåande nivå.

Departementet understrekar at fylkeskommunane ikkje kan utskrive dokumentasjon på studie- eller yrkeskompetanse før også grunnskoleopplæringa er fullført.

#### 43.9.5 Departementets forslag

Departementet foreslår å leggje til rette for at deltakarar kan ta vidaregåande opplæring i kombinasjon med førebuande opplæring (grunnskoleopplæring), ved å opne for at fylkeskommunen kan tilby vidaregåande opplæring til vaksne som ikkje har fullført grunnskoleopplæring, sjå forslaget til § 18-5 andre ledd.

### 43.10 Vaksne utan rett til vidaregåande opplæring

#### 43.10.1 Dagens reglar

I opplæringslova § 13-3 tredje ledd er det krav om at fylkeskommunane skal ha tilbod til vaksne utan rett. Det er opp til fylkeskommunane kor mange plassar som skal opprettast til vaksne utan rett, og innanfor kva fag. Det følgjer av Utdanningsdirektoratets rundskriv, Udir-2-2008, at reglane for vaksne med rett til vidaregåande opplæring gjeld

tilsvarande når fylkeskommunen gir tilbod om vidaregåande opplæring til vaksne utan rett.

### 43.10.2 Høyringsforslaget

Departementet foreslo

- å ikkje vidareføre plikta til fylkeskommunen om ha eit tilbod om vidaregåande opplæring til vaksne utan rett til vidaregåande opplæring
- å ta inn i lova at dei som blir tekne inn til vidaregåande opplæring for vaksne utan å ha rett til det, får dei same rettane og pliktene som dei med rett til vidaregåande opplæring.

Forslaget om å ikkje vidareføre plikta til fylkeskommunen om å ha eit tilbod om vidaregåande opplæring til vaksne utan rett, avveik frå NOU 2019: 23, kapittel 45, der opplæringslovutvalet foreslo å vidareføre denne plikta. At dei utan rett som blir tatt inn, skal få dei same rettane og pliktene som dei med rett til vidaregåande opplæring, var ei oppfølging av forslaget frå utvalet.

### 43.10.3 Høyringsinstansanes syn

Det er få høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget. *Innlandet fylkeskommune* og *Utdanningsforbundet* støttar forslaget og viser til at det etter utvidinga av retten til vidaregåande opplæring vil vere få vaksne utan rett. *NHO* og *Skolelederforbundet* er imot forslaget. *Skolelederforbundet* peikar på at sjølv om retten til vidaregåande opplæring blir utvida, vil det framleis vere grupper og enkeltpersonar som ikkje vil få rett, og at det av omsynet til den enkelte og samfunnet er viktig at desse også kan få eit tilbod dersom det er kapasitet i opplæringstilboden.

### 43.10.4 Departementets vurdering

Departementet meiner det ikkje er nødvendig å vidareføre plikta for fylkeskommunen til å ha eit tilbod om vidaregåande opplæring til vaksne utan rett. Plikta er heilt overordna og inneber ikkje noko krav om talet på plassar eller nokon korresponderande rett for vaksne. Plikta har dermed lita rettsleg betydning. Med departementets forslag om å utvide retten til vidaregåande opplæring og innføre ein rett til rekvalifisering, vil det dessutan bli langt færre vaksne som ikkje har rett til vidaregåande opplæring. I praksis vil det berre vere vaksne som ikkje har fullført grunnskoleopplæring, og vaksne som ønskjer ein tredje slutt-kompetanse, som då ikkje vil ha rett til vidaregåande opplæring. Det er dermed mindre behov for

å vidareføre plikta for fylkeskommunane til å ha eit vidaregåande opplæringstilbod til dei utan rett. Departementet meiner dessutan at fylkeskommunane, som ansvarlege for regional kompetansepolitikk, sjølv er nærest til å vurdere om det er behov for slike tilbod.

Departementet foreslår derfor å oppheve plikta for fylkeskommunane til å ha tilbod til vaksne utan rett til vidaregåande opplæring. Departementet foreslår i staden å lovfeste at fylkeskommunane kan ha tilbod til dei utan rett. Fylkeskommunane bør ha slike tilbod dersom det er behov for det.

Dersom vaksne utan rett blir tekne inn i vidaregåande opplæring for vaksne, skal dei ha dei same rettane som vaksne med rett.

### 43.10.5 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å ikkje vidareføre plikta til fylkeskommunen om ha eit tilbod om vidaregåande opplæring til vaksne utan rett til vidaregåande opplæring, men ta inn i lova at fylkeskommunane kan ha tilbod til vaksne som har brukt opp retten til vidaregåande opplæring, sjå forslaget til § 18-5 første ledd
- å ta inn i lova at vaksne som blir tekne inn til vidaregåande opplæring for vaksne utan å ha rett til det, får dei same rettane og pliktene som dei med rett til vidaregåande opplæring, sjå forslaget til § 18-5 tredje ledd

## 43.11 Gratis opplæring for vaksne

### 43.11.1 Dagens reglar

Det følgjer av opplæringslova § 4A-1 tredje ledd at grunnskoleopplæringa og undervisningsmaterialet er gratis. Regelen inneber at det ordinære gratisprinsippet i grunnskolen også gjeld for vaksne. Det er ikkje er meint eit anna innhald sjølv om formuleringa er annleis, jf. Ot.prp. nr. 44 (1999–2000) punkt 8.1 merknaden til § 4A-1.

Det følgjer av opplæringslova § 4A-3 fjerde ledd at opplæringa i offentlege vidaregåande skolar og i lærebedrifter er gratis. Det er presisert at fylkeskommunen har ansvaret for å halde vaksne som får vidaregåande opplæring, med nødvendige trykte og digitale lærermiddel og digitalt utstyr, og at vaksne ikkje kan påleggjast å dekkje nokon delar av utgiftene til opplæringa utover det som følgjer av forskrift. Vidare er det presisert at fylkeskommunen kan påleggje vaksne å halde seg med anna individuelt utstyr som opplæringa van-

legvis gjer det nødvendig å ha. Departementet kan gi nærmere forskrifter.

### 43.11.2 Høyringsforslaget

Departementet foreslo å vidareføre reglane om gratis opplæring for vaksne deltagarar og at reglane blir likt utforma som for barn og unge.

Med dette høyringsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 45.

### 43.11.3 Høyringsinstansanes syn

Det er under ti høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget, og alle støttar det.

### 43.11.4 Departementets vurdering

Departementet foreslår å vidareføre reglane om gratis opplæring for deltagarar i opplæringa for vaksne og at reglane blir likt utforma som for barn og unge. Sjå omtalen av gratisprinsippet for barn og unge i punkt 9.5.7 og 40.7.

### 43.11.5 Departementets forslag

Departementet foreslår å vidareføre reglane om gratis opplæring for vaksne med enkelte mindre endringar, sjå forslaget til § 18-9.

## 43.12 Realkompetansevurdering for vaksne

### 43.12.1 Dagens reglar

Dei som har rett til vidaregåande opplæring for vaksne, har rett til vurdering av realkompetansen sin og til kompetansebevis, jf. § 4A-3 femte ledd. Vidare har vaksne utan rett til vidaregåande opplæring rett til realkompetansevurdering dersom dei er tilviste frå kommunen eller Arbeids- og velferdsetaten. I nasjonale retningslinjer for realkompetansevurdering er det lagt til grunn at retten til realkompetansevurdering etter tilvising frå Arbeids- og velferdsetaten eller kommunen gjeld vaksne som har brukta opp retten til vidaregåande opplæring, men ikkje vaksne som ikkje har fullført grunnskoleopplæring. Lova inneheld heimel til å gi nærmere reglar om realkompetansevurdering i forskrift.

For vaksne med rett til grunnskoleopplæring er det ikkje fastsett i opplæringslova at dei har rett til realkompetansevurdering, men dei har etter

§ 4A-8 rett til rådgiving for å få kartlagt kva behov dei har.

I forskrift til opplæringslova § 4-11 finst reglar om realkompetansevurdering som grunnlag for sluttvurdering på grunnskolenivå og vidaregåande nivå. På vidaregåande trinn (vg3) i yrkesfaglege utdanningsprogram, kan ikkje realkompetansevurdering brukast som sluttvurdering.

### 43.12.2 Høyringsforslaget

Departementet foreslo

- ein generell rett til realkompetansevurdering med tilhøyrande rett til kompetansebevis i lova for alle med rett til grunnskoleopplæring eller vidaregåande opplæring for vaksne
- å vidareføre rett til realkompetansevurdering for vaksne utan rett til vidaregåande opplæring dersom dei har tilvising frå kommunen eller Arbeids- og velferdsetaten
- å vidareføre forskriftsheimelen med ein litt annan ordlyd og gjere også denne generell for grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne

Med dette høyringsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 45.

### 43.12.3 Høyringsinstansanes syn

*Ein generell rett til realkompetansevurdering for alle med rett til opplæring*

Det er om lag 25 høyringsinstansar som har uttalt seg om realkompetansevurdering på grunnskolenivå, og om lag 20 som har uttalt seg om realkompetansevurdering på vidaregåande nivå.

Dei fleste av dei som har uttalt seg om det, støttar departementets forslag om å lovfeste ein rett til realkompetansevurdering og dokumentasjon i grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne. *Integrerings- og mangfalldirektoratet (IMDi)*, fleire fylkeskommunar og kommunar, *LO* og *NHO* støttar forslaget. *IMDi* viser til at vaksne innvandrarar har behov for å få anerkjent kompetansen dei har med seg, og kunne få avkorta kvalifiseringsløp for å komme raskare ut i arbeid. *Interesseorganisasjonen for kommunal voksenopplæring (IKVO)* stiller seg derimot kritisk til om det er nødvendig og fornuftig å lovfeste rett til realkompetansevurdering i grunnskoleopplæringa for vaksne. *IKVO* meiner at ein rett til realkompetansevurdering for alle vil krevje meir ressursar og vere eit fordyrande tiltak, og at behovet

for grunnskoleopplæring blir avdekt best gjennom ei kartlegging og ein inntakssamtale.

#### *Rett til realkompetansevurdering for vaksne utan rett til vidaregåande opplæring*

I behandlinga av Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet* gjorde Stortinget følgjande oppmodingsvedtak: «Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag om å utvide retten til realkompetansevurdering til også å gjelde vaksne uten rett til vidaregående opplæring». I høyringa drøfta departementet behovet for å utvide retten til realkompetansevurdering på bakgrunn av Stortings oppmodingsvedtak. Departementet bad om synet til høyingsinstansane på behovet for ei utviding av retten til realkompetansevurdering. Departementet bad også særleg om innspel frå fylkeskommunane på kor mange dei trur vil nytte seg av ein slik rett, og kva dei reknar med at kostnadene vil bli for ei eventuell utviding.

Det er berre seks høyingsinstansar som eksplisitt har uttalt seg til spørsmålet om behovet for å innføre rett til realkompetansevurdering for vaksne utan rett til vidaregåande opplæring. *Statsforvaltaren i Rogaland* meiner det ikkje er behov for ei slik utviding. Statsforvaltaren peikar på at med ein rett til yrkesfagleg rekvalifisering vil vaksne utan rett til vidaregåande opplæring vere vaksne som ikkje har fullført grunnskoleopplæringa. Vidare peikar Statsforvaltaren på at lovslaget inneber at fylkeskommunen kan vurdere om denne gruppa vaksne likevel skal få opplæring på vidaregåande nivå. *Viken fylkeskommune* meiner at det ikkje er behov for å innføre ein rett til realkompetansevurdering for vaksne utan rett til vidaregåande opplæring, men at dei kan få det dersom kommunen eller Arbeids- og velferdsetaten tilrår det.

*Statsforvaltaren i Oslo og Viken* peikar på at deltakarar som blir tilbydde eit kombinasjonsløp, kan ha nytte av rett til realkompetansevurdering på vidaregåande nivå. Statsforvaltaren peikar også på at det for personar som ikkje har fullført grunnskole, men har arbeidd i fleire år innan eit fagfelt, kan vere aktuelt med realkompetansevurdering for å avkorte løpet mot ein formell kompetanse, anten ved å ta kombinert grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring eller for å få opplæring via fagbrev på jobb. Vidare peikar Statsforvaltaren på at det kan vere tenleg at dei som har bruktt opp retten til vidaregåande opplæring og ønskjer ny sluttkompetanse, har rett til å bli realkompetansevurdert for å eventuelt avkorte eit nyt opplæ-

ringsløp. Statsforvaltaren viser til at retten til realkompetansevurdering i så fall vil følgje retten til ny yrkesfagleg rekvalifisering. *Rogaland fylkeskommune* meiner det må vere høve for bedrifter og privatpersonar til å betale for realkompetansevurdering for vaksne utan rett.

*IMDi* viser til at innvandrarar særleg vil vere representerte i gruppa som ikkje har fullført grunnskoleopplæring, og som no ikkje har rett til realkompetansevurdering på vidaregåande nivå. *IMDi* meiner denne gruppa raskare kan komme i faglært arbeid gjennom ei realkompetansevurdering. Med tanke på innføring av modulstrukturert opplæring (sjå punkt 43.14), det samansette behovet til målgruppa og behovet til arbeidsgivarane meiner *IMDi* at retten til realkompetansevurdering bør utvidast.

*Arbeids- og velferdsdirektoratet* meiner det er tilfelle der det kan vere nyttig for ein person å få dokumentert kompetanse på vidaregåande nivå sjølv om personen ikkje har dokumentasjon på fullført grunnskoleopplæring. Dette kan til dømes gjelde personar som har fullført grunnopplæring i heimlandet sitt, men som blir vurdert til å mangle grunnskole i Noreg på grunn av manglande dokumentasjon. Ei anna gruppe som ifølgje *Arbeids- og velferdsdirektoratet* kan ha behov for realkompetansevurdering på vidaregåande nivå sjølv om dei manglar grunnskole, er personar som har mykje yrkesfaring, men manglar formell utdanning. Realkompetansevurdering kan i slike tilfelle styrke høva deira til å få jobb.

Det er ingen av høyingsinstansane som eksplisitt kommenterer kva ei eventuell utviding av retten til realkompetansevurdering vil koste. Fleire, mellom anna *Nettverk for kommunal vaksenopplæring i Møre og Romsdal*, peikar generelt på at realkompetansevurdering er ressurkskrevjande.

#### **43.12.4 Departementets vurdering**

##### *43.12.4.1 Ein generell rett til realkompetansevurdering for alle med rett til opplæring for vaksne*

Departementet foreslår å vidareføre ein generell rett til realkompetansevurdering for alle med rett til grunnskoleopplæring eller vidaregåande opplæring for vaksne.

Realkompetansevurdering kan gi den vaksne dokumentasjonen på godkjend kompetanse i fag, ein dokumentasjon som er likeverdig med andre sluttvurderingar. Realkompetansevurdering kan også brukast til å avkorte og tilpasse opplærings-

tilbod for å oppnå yrkes- eller studiekompetanse. Å bli realkompetansevurdert kan dermed vere aktuelt både for vaksne som vil ta grunnskoleopplæring eller vidaregående opplæring, og for vaksne som ønsker å dokumentere kompetansen sin, til dømes overfor ein arbeidsgivar. Departementet gjer likevel merksam på at realkompetansevurdering ikkje kan brukast som sluttvurdering på vg3 i yrkesfaglege utdanningsprogram, jf. dagens forskrift til opplæringslova § 4-11. Lovforslaget endrar ikkje på dette.

Når det gjeld uttalen frå IKVO om at realkompetansevurdering er meir ressurskrevjande og mindre eigna enn kartlegging ved innpassering på grunnskolenivå, vil departementet påpeike at korleis realkompetansevurderinga skal gjennomførast, kan avhenge av både nivå og om formalet er sluttvurdering eller innpassering. For innpassering på grunnskolenivå kan realkompetansevurderinga vere ein type kartlegging eller testing for å finne ut kva kompetanse søkjaren har i dei ulike faga eller ferdighetene, og ikkje nødvendigvis ei fullstendig realkompetansevurdering slik som når vurderinga skal danne grunnlag for dokumentasjon på sluttkompetanse. Med innføring av modulisert opplæring som hovudmodell for opplæring for vaksne vil det for mange vere aktuelt med ei vurdering av kva modul dei skal plasserast inn på.

Departementet foreslår å vidareføre heimelen til å gi forskrift om realkompetansevurdering, men å gjere heimelen generell slik at han omfattar både grunnskoleopplæring og vidaregående opplæring for vaksne.

#### *43.12.4.2 Rett til realkompetansevurdering for vaksne utan rett til vidaregående opplæring*

I det følgjande vurderer departementet behovet for å innføre rett til realkompetansevurdering for vaksne utan rett til vidaregående opplæring. Bakgrunnen for vurderinga er Stortingets oppmodingsvedtak i behandlinga av Meld. St. 14 (2019–2020) (sjå punkt 43.12.3).

Dei som ikkje har rett til vidaregående opplæring, kan grovt sett delast inn i to undergrupper: (1) dei som har brukt opp retten til vidaregående opplæring, og (2) dei som ikkje har fullført grunnskoleopplæring.

Den første undergruppa vil bli vesentleg mindre når retten til vidaregående opplæring blir utvida og det blir innført ein rett til yrkesfagleg rekvalifisering (sjå punkt 40.2 og 40.3). Då vil alle ha rett til vidaregående opplæring fram til dei har

oppnådd to sluttkompetansar. Dei som har brukt opp retten, vil då vere dei som eventuelt ønsker ein tredje sluttkompetanse. Desse har då formell kompetanse og vil sjeldan ha behov for realkompetansevurdering. Departementet foreslår at denne gruppa skal få rett til realkompetansevurdering dersom dei har tilvising frå kommunen eller Arbeids- og velferdsetaten, sjå under. Dersom fylkeskommunen vel å tilby ein vaksen opplæring mot ein tredje sluttkompetanse, skal vedkommande også tilbydast realkompetansevurdering, då det er krav om at opplæringa skal byggje på den kompetansen den vaksne har (sjå punkt 43.13). Departementet kan dermed ikkje sjå at det er nødvendig å innføre ein generell rett til realkompetansevurdering for dei som har brukt opp retten til vidaregående opplæring. Det er heller ingen høyringsinstansar som har gitt innspel om at denne undergruppa bør få rett til realkompetansevurdering. Departementet vil elles understreke at forslaget inneber at retten til realkompetansevurdering vil følgje utvidingane av retten til vidaregående opplæring, slik *Statsforvaltaren i Oslo og Viken* har gitt innspel om at han bør gjere. Dermed vil dei som får rett til rekvalifisering, også få rett til realkompetansevurdering.

Den andre undergruppa er dei som ikkje har rett til vidaregående opplæring fordi dei ikkje har fullført grunnskoleopplæring. Grunnskoleopplæring er obligatorisk, og i praksis vil dei som ikkje har fullført grunnskolen, i hovudsak vere personar som kjem til Noreg utan tilsvarande grunnskoleopplæring frå heimlandet.

*Arbeids- og velferdsdirektoratet* meiner det kan vere nyttig med ein rett til realkompetansevurdering på vidaregående opplærings-nivå dersom ein person har fullført grunnskoleopplæring i heimlandet, men ikkje blir rekna for å ha fullført grunnskoleopplæring i Noreg på grunn av manglande dokumentasjon. Etter vurderinga til departementet er ikkje rett til realkompetansevurdering på vidaregående opplærings-nivå det rette tiltaket for ei slik utfordring. I slike tilfelle vil den enkelte ha rett til realkompetansevurdering på grunnskolenivå, og slik realkompetansevurdering kan brukast til å dokumentere kompetanse tilsvarande fullført grunnskole. Vedkommande vil då få rett til vidaregående opplæring og rett til realkompetansevurdering på vidaregående opplærings-nivå.

Ein type tilfelle der det kan vere nyttig med rett til realkompetansevurdering på vidaregående opplærings-nivå sjølv om grunnskoleopplæring ikkje er fullført, er der ein person blir teken inn på kombinerte tilbod med grunnskole og vidaregåande opplæring. Etter forslaget i punkt 43.9 kan

fylkeskommunen tilby vaksne å få vidaregående opplæring i kombinasjon med grunnskoleopplæring, men den enkelte vil ikkje ha rett til slikt tilbod. Vidare følgjer det av forslaget i punkt 43.13 at vidaregående opplæring for vaksne skal byggje på den kompetansen den vaksne har. Det inneber at dersom fylkeskommunen tek inn ein vaksen som ikkje har fullført grunnskole, til eit slikt kombinasjonstilbod, så må fylkeskommunen også tilby realkompetansevurdering på vidaregående opplærings-nivå. Sjå likevel dagens forskrift til opplæringslova § 6-48 om at den enkelte vaksne utan rett kan påleggjast å betale for realkompetansevurderinga dersom dette ikkje skal dekkjast av andre (kommunen eller Arbeids- og velferdsetaten), jf. under. Etter vurderinga til departementet er det derfor ikkje nødvendig å innføre ein særskild rett til realkompetansevurdering for slike tilfelle. Dersom det seinare på bakgrunn av evaluering av dei pågåande kombinasjonsforsøka skal innførast ein rett til slike kombinasjonstilbod, vil det vere naturleg å også innføre ein rett til realkompetansevurdering på vidaregående opplærings-nivå for dei som blir tekne inn på slike tilbod.

Eit anna typetilfelle der det kan vere nyttig for ein person å få dokumentert kompetanse på vidaregåande nivå utan å ha fullført grunnskoleopplæring, er dersom ein person har kompetanse gjennom yrkeserfaring og dokumentasjon på slik kompetanse kan hjelpe vedkommande til å få jobb. Etter dagens lov har vaksne utan rett til vidaregående opplæring rett til realkompetansevurdering dersom dei har ei tilvising frå kommunen eller Arbeids- og velferdsetaten. I nasjonale retningslinjer for realkompetansevurdering er det lagt til grunn at dette likevel ikkje gjeld dei som manglar rett til vidaregående opplæring på grunn av manglande grunnskoleopplæring. Departementet meiner dette bør endrast ved ny lov slik at vaksne som manglar grunnskoleopplæring, får rett til realkompetansevurdering dersom dei har tilvising frå kommunen eller Arbeids- og velferdsetaten. På denne måten kan det leggjast til rette for at vaksne som har behov for realkompetansevurdering for å få jobb, får rett til det. I samsvar med gjeldande ordning, jf. forskrift til opplæringslova § 6-48, vil det vere kommunen eller Arbeids- og velferdsetaten som betaler for realkompetansevurdering dersom retten blir utløyst av ei tilvising frå dei.

Dei utvidingane som følgjer av at fleire får rett til vidaregående opplæring og dermed realkompetansevurdering, og den foreslalte endringa om kven som får rett til realkompetansevurdering

med tilvising frå kommunen eller Arbeids- og velferdsetaten, vil innebere ei utviding av retten til realkompetansevurdering. Mange av dei vaksne som i dag ikkje har rett til vidaregående opplæring, vil etter forslaget få rett til realkompetansevurdering. Departementet meiner at den foreslalte utvidinga vil vareta alle som har eit reelt behov for realkompetansevurdering.

Dei som etter den foreslalte utvidinga framleis ikkje vil ha rett til realkompetansevurdering, er dei som ønskjer ein tredje sluttkompetanse på vidaregående opplærings-nivå, og som heller ikkje får tilvising frå kommunen eller Arbeids- og velferdsetaten, og dei som manglar grunnskoleopplæring, og som ikkje får tilvising frå kommunen eller Arbeids- og velferdsetaten. På den eine sida vil det truleg vere få av desse som vil nytte seg av ein rett til realkompetansevurdering, noko som kan tale for å innføre ein generell rett til realkompetansevurdering for alle. Samtidig er det usikkert kor mange som vil nytte seg av det, og ein generell rett for alle vil bli uføresieleg for fylkeskommunane. Eit slikt forslag er ikkje høyrt, og høyringsinnspela gir ikkje haldepunkt for at det er behov for ei slik utviding.

Departementet meiner det ikkje er behov for å innføre ein rett til realkompetansevurdering for alle utan rett til vidaregående opplæring. Departementet meiner det heller ikkje bør innførast ein rett til realkompetansevurdering for personar utan rett til vidaregående opplæring med eit sjølvkostprinsipp slik *Rogaland fylkeskommune* foreslår, då dette kan føre til at realkompetansevurdering blir mindre tilgjengeleg enn dersom kommunen eller Arbeids- og velferdsetaten tilviser og betaler for dette. Departementet understrekar likevel at fylkeskommunen *kan* tilby realkompetansevurdering, med eller utan betaling, til personar som ikkje har rett til slik vurdering, og som heller ikkje blir tilbydde eller ønskjer vidaregåande opplæring.

### 43.12.5 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å lovfeste ein generell rett til realkompetansevurdering med tilhøyrande rett til kompetansebevis for vaksne med rett til førebuande eller vidaregåande opplæring for vaksne, sjå forslaget til § 18-8 første ledd
- å vidareføre at vaksne utan rett til vidaregående opplæring har rett til realkompetansevurdering dersom dei har tilvising frå kommunen eller Arbeids- og velferdsetaten, og legge til grunn at det også omfattar dei som ikkje har

- rett til vidaregåande opplæring fordi dei ikkje har fullført grunnskolen eller førebuande opplæring for vaksne, sjå forslaget til § 18-8 andre ledd
- å vidareføre heimelen til å gi forskrift om realkompetanseurdering, men med ein annan ordlyd og slik at han gjeld både førebuande opplæring og vidaregåande opplæring, sjå forslaget til § 18-8 tredje ledd

### **43.13 Opplæringa skal byggje på kompetansen til den vaksne**

#### **43.13.1 Dagens reglar**

Det følgjer av opplæringslova § 4A-1 første ledd tredje punktum og § 4A-3 første ledd tredje punktum at grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa skal tilpassast behovet til den vaksne. Av forarbeida i lova, Ot.prp. nr. 44 (1999–2000), og Utdanningsdirektoratets rundskriv, Udir-2-2008 og Udir-3-2012, kjem det fram at tilpassinga består av følgjande element: (1) fagleg tilpassing ved at opplæringa skal byggje vidare på eller komplettere realkompetansen til den vaksne, (2) organiseringa skal tilpassast livssituasjonen til den vaksne, og (3) opplæringa skal tilpassast ved at det skal takast omsyn til eventuelle individuelle behov den vaksne har.

#### **43.13.2 Høyringsforslaget**

Departementet foreslo

- at kravet om at opplæringa skal tilpassast behovet til den vaksne, blir erstatta av reglar om dei ulike formene for tilpassing, mellom anna ein regel om at opplæringa skal byggje på kompetansen til den vaksne.

Resten av elementa i dagens plikt til å tilpasse opplæringa til behovet til den vaksne er varetekne av forslaga i punkta 43.16 til 43.22.

Med dette høyringsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 45.

#### **43.13.3 Høyringsinstansanes syn**

I underkant av 20 høyringsinstansar uttalte seg om forslaget om å lovfeste at opplæringa skal byggje på kompetansen til den vaksne, og dei fleste støttar det. *Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi)*, fleire fylkeskommunar og kommunar, *Norsk Lektorlag*, *NHO* og *Virke* er blant dei som støttar forslaget. *Direktoratet for høgare utdanning*

og kompetanse (HK-dir) meiner at formuleringa «opplæringa skal byggje på den kompetansen dei vaksne deltararane allereie har» er for snever til å vareta læringsbehovet til dei vaksne, og tilrår at opplæringa skal byggje på den kompetansen, men også dei føresetnadene, deltararen har. *Interesseorganisasjonen for kommunal vaksenopplæring (IKVO)* meiner reglane er tydelege nok i dag.

#### **43.13.4 Departementets vurdering**

Departementet meiner dagens regel om at opplæringa skal tilpassast behovet til den vaksne, er uklar, og at det vil bli tydelegare dersom dei ulike elementa i plikta blir tekne inn i lova. Her vurderer departementet forslaget om å lovfeste at opplæringa for vaksne skal byggje på den kompetansen den vaksne allereie har. Resten av elementa i dagens plikt til å tilpasse opplæringa til behovet til den vaksne blir vurderte i punkta 43.16 til 43.22.

At opplæringa skal byggje på den kompetansen den vaksne har, inneber at opplæringa skal byggje vidare på og komplettere realkompetansen til den vaksne deltararen. På denne måten kan deltararen raskare oppnå ønsket sluttkompetanse, og verken deltararen eller kommunen og fylkeskommunen må bruke tid og ressursar på opplæring som deltararen ikkje treng. At opplæringa skal byggje på den kompetansen den vaksne har, er eit sentralt element i opplæringa for vaksne, og departementet meiner derfor dette bør komme fram tydelegare av lova enn i dag. Kravet skal ikkje forståast slik at kommunane og fylkeskommunane må lage eit skreddarsydd opplæringsløp for kvar deltarar, då dette ville vere svært ressurskrevjande og kanskje heller ikkje det beste for den enkelte. Det er likevel klart at dei opplæringsløpa som kommunane og fylkeskommunane etablerer, må gi rom for at vaksne berre må ta opplæring i dei faga eller delane av faga dei treng. Ei modulstrukturering av læreplanane, slik departementet legg opp til (sjå punkt 43.14), vil leggje til rette for ei fleksibel og tilpassa opplæring for å møte opplæringsbehovet og livssituasjonen til dei vaksne deltararene.

Når det gjeld innspelet frå HK-dir om at det også bør presiserast at opplæringa skal byggje på dei føresetnadene den vaksne har, vil departementet vise til at dette følgjer av reglane om tilpassa opplæring som gjeld tilsvarande som for barn og unge (sjå punkt 43.15). Den særskilde regelen for vaksne er at opplæringa skal byggje på kompetansen til den vaksne, slik at det er kompetansen som blir avgjerdande for kva opplæring den vaksne må ha for å nå ønskt sluttkompetanse.

Med den kompetansen den vaksne har, blir det sikta både til formalkompetanse og realkompetanse. Kravet om at opplæringa skal byggje på kompetansen til den vaksne, må sjåast i samanheng med retten til realkompetansevurdering og til dokumentasjon på slik vurdering (sjå punkt 43.12).

### 43.13.5 Departementets forslag

Departementet foreslår å lovfeste at opplæringa for vaksne skal byggje på den kompetansen den vaksne har, sjå forslaget til § 19-1 første ledd.

## 43.14 Innhold og vurdering i opplæringa for vaksne

### 43.14.1 Dagens reglar

Det følgjer av § 4A-6 andre punktum at læreplanar for fag etter §§ 1-5, 2-3, 3-4 og 6-4 gjeld «med dei tilpassingar som følgjer av dette kapittelet». Læreplanane det blir viste til, er læreplanane som gjeld for barn og unge.

Det følgjer av § 4A-3 tredje ledd at vaksne har rett til opplæring i samsvar med den opplæringsstida som er fastsett i læreplanen i fag, dersom denne føreset lengre opplæringstid enn tre år.

Det følgjer av § 4A-4 femte ledd at departementet gir forskrifter om vurdering, om klage på vurdering, om eksamen og om dokumentasjon. I forskrift til opplæringslova § 4-2 er det slått fast at deltakarar i opplæringa for vaksne har rett til undervegsverdning, sluttverdning og dokumentasjon av opplæring i tråd med kapittel 4 i forskrifa.

For tida blir det gjennomført forsøk med modulstrukturerte læreplanar i opplæringa for vaksne. Modulstrukturering inneber å organisere opplæringa i mindre einingar, noko som mellom anna skal gi ei betre tilpassing til behovet, utgangspunktet og livssituasjonen til dei vaksne.

### 43.14.2 Høyningsforslaget

Departementet foreslo

- å innføre ein heimel for å legge til rette for eigne læreplanar i grunnskoleopplæringa for vaksne
- å vidareføre at dei ordinære læreplanane skulle gjelde for vidaregåande opplæring for vaksne, men å ikkje vidareføre avgrensinga «med dei tilpassingar som følgjer av dette kapittelet»

- å oppheve regelen om rett til opplæring i samsvar med den opplæringsstida som er fastsett i læreplanen
- å flytte reglane om rett til vurdering og dokumentasjon av opplæringa frå forskrift til lov
- å vidareføre forskriftsheimelen om vurdering, om klage på vurdering, om eksamen og om dokumentasjon.

Departementet omtalte i høyningsnotatet at det tok sikte på at læreplanane for vaksne, både på grunnskolenivå og vidaregåande nivå, skulle modulstrukturerast sjølv om dette ikkje er noko som vart foreslått regulert i lova. Det vart likevel foreslått enkelte endringar i lovreglane for å legge til rette for innføringa av modulisert opplæring. Sjå omtale av modulisert opplæring i punkt 43.14.4.

Forslaget om å legge til rette for eigne læreplanar i opplæringa for vaksne var nytt samanlikna med opplæringslovutvalets forslag i NOU 2019: 23. Forslaget var elles ei oppfølging av forslaget i NOU 2019: 23, kapittel 45.

### 43.14.3 Høyningsinstansanes syn

Det er om lag 20 høyningsinstansar som har uttalt seg om forslaga rundt læreplanar. Alle støttar forslaget om eigne læreplanar i grunnskoleopplæringa for vaksne. *Halden kommune* er blant dei som støttar forslaget. *Halden kommunen* peikar på at dagens læreplanar på grunnskolenivå er tilpassa barn og er meinte å vareta modning og danning gjennom det tiårige grunnskoleløpet, noko som ikkje samsvarer med behova til dei vaksne. *Halden kommune* og fleire andre trekkjer også fram positive erfaringar frå forsøket med eigne læreplanar i modulbasert opplæring.

*Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir)* støttar også forslaget, men meiner at læreplanane for grunnopplæringa for vaksne bør ha ein eigen overordna del for å gjere tydeleg at opplæringa skil seg frå opplæringa for barn og unge.

Enkelte har også uttalt seg om departementets forslag om at det ikkje skal utviklast eigne læreplanar for den vidaregåande opplæringa for vaksne, men at læreplanane skal modulstrukturerast. Dei som har uttalt seg om det, støttar dette. *Utdanningsdirektoratet* meiner at ein modulstrukturert læreplan er ein eigen læreplan. Fleire andre har også uttalt seg om forslaget om å modulstrukturere læreplanane både for grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, men dette

blir ikkje omtalt nærrare, då dette ikkje er noko som skal fastsetjast i lova.

#### **43.14.4 Departementets vurdering**

Departementet foreslår å presisere at opplæringa skal vere i samsvar med måla og prinsippa for opplæringa.

På grunnskolenivå er dagens læreplanar tilpassa barn i ulik alder og modninga deira. I tillegg til det faglege, er dei meint å vareta modning og danning gjennom det tiårige grunnskoleløpet. Desse omsyna samsvarer ikkje med behova til dei vaksne som treng opplæring på grunnskolenivå, sidan vaksne allereie har livserfaringar som gir modning og danning. Departementet har fått tilbakemeldingar om at det i praksis er vanskeleg å trekke ut kompetansemål frå læreplanane som er eigna for vaksne, og at vaksne derfor får unödvenlig lange opplæringsløp. Departementet meiner derfor det bør utviklast eigne læreplanar med eigne kompetansemål for vaksne på nivå 2 i nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR), som i lovforslaget blir omtalte som førebuande opplæring for vaksne. Departementet tek sikte på at kompetansemåla og organiseringa av faga blir delt inn i modular. Dette vil gjere det enklare å gi vaksne den opplæringa dei skal ha ut frå realkompetansen sin og planlagt sluttkompetanse. I lovforslaget er det gjort endringar i forskriftsheimilar samanlikna med i dag for å leggje til rette for eigne, modulstrukturerte læreplanar for grunnskoleopplæring.

I vidaregåande opplæring legg departementet opp til at det blir utarbeidd modulstrukturerte læreplanar i enkelte lærrefag, medan det i dei andre lærrefaga skal brukast eksisterande læreplanar. Sjå nærrare omtale av modulstrukturerte læreplanar i fag- og yrkesopplæringa for vaksne i punkt 43.7.4.2. Departementet har merka seg at *Utdanningsdirektoratet* meiner at moduliserte læreplanar skal vere eigne læreplanar. Departementet foreslår derfor å innføre ein eigen heimel for læreplanar for vidaregåande opplæring for vaksne.

Departementet foreslår å flytte reglane om rett til vurdering og dokumentasjon av opplæringa frå forskrift til opplæringslova § 4-2 til lova. Departementet foreslår å vidareføre heimelen til å gi forskrift om vurdering, om klage på vurdering, om eksamen og om dokumentasjon.

Departementet er samd med opplæringslovutvalet i at dagens § 4A-3 tredje ledd om opplæring i

samsvar med den opplæringstida som er fastsett i læreplanen, gir lite meinung ettersom opplæringa til vaksne kan bli gitt som deltidssundervisning og dermed strekkje seg over fleire år enn ordinær opplæring, eller i komprimerte løp og dermed gå over kortare tid enn ordinær opplæring. Opplæringa skal dessutan ta utgangspunkt i realkompetansen til den vaksne. Det vil såleis vere kva den vaksne treng av opplæring, og organiseringa av opplæringa, som er avgjerande for kor lenge retten til vidaregåande opplæring varer. Departementet foreslår derfor å ikkje vidareføre § 4A-3 tredje ledd.

#### **43.14.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å presisere at opplæringa skal vere i samsvar med måla og prinsippa for opplæringa, se forslaget til § 19-1 første ledd første punktum
- å innføre ein ny forskriftsheimel for å leggje til rette for eigne læreplanar i førebuande opplæring for vaksne og modulstrukturerte læreplanar i den vidaregåande opplæringa for vaksne, sjå forslaget til § 19-1 andre ledd
- å ikkje vidareføre regelen i § 4A-3 tredje ledd om rett til opplæring i samsvar med den opplæringstida som er fastsett i læreplanen
- å flytte reglane om rett til vurdering og dokumentasjon av opplæringa frå forskrift til lov, sjå forslaget til § 19-1 tredje ledd første punktum
- å vidareføre at departementet kan gi forskrift om vurdering, om klage på vurdering og om dokumentasjon, sjå forslaget til § 19-1 tredje ledd andre punktum.

### **43.15 Tilpassa opplæring for vaksne**

#### **43.15.1 Dagens reglar**

Det følgjer av § 4A-12 at reglane i § 1-3 første ledd om tilpassa opplæring for barn og unge gjeld tilsvارande for vaksne. Sjå omtale av regelen om tilpassa opplæring for barn og unge i punkt 24.

#### **43.15.2 Høyringsforslaget**

Departementet foreslo å vidareføre at regelen om tilpassa opplæring skulle gjelde også for vaksne.

Med dette høyringsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 45, utanom utvalets forslag om ny nemning.

### 43.15.3 Høyringsinstansanes syn

Det er ti høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget, og alle støtter at regelen om tilpassa opplæring blir vidareført for opplæringa for vaksne. Høyringsinnspel om innhald i regelen og kva nemning som skal brukast, blir omtalte i punkt 24.4.1.

Departementet foreslo ikkje å innføre plikt om tidleg innsats eller intensiv opplæring i vaksenopplæringa. *Skien kommunale vaksenopplæring* støttar dette. *Introduksjonssenter nord Asker* meiner derimot at rett til insentiv opplæring også bør gjelde vaksne i grunnskoleopplæringa.

### 43.15.4 Departementets vurdering

Departementet foreslår å vidareføre kravet om tilpassa opplæring for vaksne. Innhaldet i kravet og val av nemning er nærmere omtalt i punkt 24.

Departementet meiner det ikkje er nødvendig å innføre krav om intensiv opplæring i opplæringa for vaksne. Sjølv om det også for vaksne kan vere ein normalprogresjon ut frå erfaring, vil det ikkje vere slik at alle vaksne får opplæring i ei fast gruppe over tid. Opplæringa skal byggje på kompetansen til den vaksne og kva som er nødvendig for å oppnå ønskt sluttkompetanse, og er organisert i eit meir fleksibelt opplæringsløp. Det er dermed mindre behov for krav om ein innsats som blir utløyst av at den vaksne ikkje har forventa progresjon, eller liknande. Departementet vil også understreke at kommunane og fylkeskommunane har større handlingsrom til å gjere tilpassingar overfor vaksne utan å gjere vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring fordi det ikkje gjeld same krav til organisering, timetal osv. som i opplæringa for ungdom.

### 43.15.5 Departementets forslag

Departementet foreslår å vidareføre kravet om tilpassa opplæring i opplæringa for vaksne, sjå forslaget til § 19-5 første ledd.

## 43.16 Individuell tilrettelegging av opplæring for vaksne

### 43.16.1 Dagens reglar

Vaksne som får grunnskoleopplæring, har rett til spesialundervisning etter same reglar som for barn og unge. I tillegg har vaksne rett til spesialundervisning for å utvikle eller halde ved like grunnleggjande ferdigheter. Dette følger av § 4A-

2. Gjeldande reglar om spesialundervisning er nærmere omtalt i punkt 25.2.

Vaksne i vidaregåande opplæring har ikkje rett til spesialundervisning. Det er derimot krav om at opplæringa skal tilpassast behovet til den vaksne, jf. § 4A-3 første ledd tredje punktum (sjå omtale i punkt 43.13.1).

Likestillings- og diskrimineringslova § 21 gir elevar og studentar med funksjonsnedsetjing rett til eigna individuell tilrettelegging av lærestad, undervisning, lærermiddel og eksamen, for å sikre likeverdige opplærings- og utdanningsmogleghei-ter. Retten gjeld tilrettelegging som ikkje inneber ei uforholdsmessig byrde.

### 43.16.2 Høyringsforslaget

Departementet foreslo

- å vidareføre reglane om spesialundervisning i grunnskoleopplæring for vaksne, med nye nemningar tilsvarannde det som vart foreslått for barn og unge (sjå punkt 25.5.1), inkludert retten til spesialundervisning for å utvikle eller halde ved like grunnleggjande ferdigheter
- å innføre ein meir avgrensa rett til individuell tilrettelegging i vidaregåande opplæring for vaksne. Forslaget innebar ein rett til individuell tilrettelegging dersom det er nødvendig for å gi den vaksne ei forsvarleg opplæring, og i vurde-ringa kunne det mellom anna takast omsyn til kva ressursar tilrettelegginga vil kreve.

Departementets forslag skilte seg frå opplæringslovutvalets forslag i NOU 2019: 23 ved at departementet ikke foreslo å oppheve reglane om spesialundervisning for å utvikle eller halde ved like grunnleggjande ferdigheter. Elles var høyringsforslaget ei oppfølging av opplæringslovutvalets forslag i NOU 2019: 23, kapittel 45.

### 43.16.3 Høyringsinstansanes syn

#### 43.16.3.1 Individuell tilrettelegging i grunnskoleopplæringa

Dei om lag 20 høyringsinstansane som har uttalt seg om det, støttar forslaget om å vidareføre retten til individuell tilrettelegging (spesialundervisning) i grunnskoleopplæringa for vaksne. Innspel til forslaget om nye nemningar og oppdeling av retten er omtalt i punkt 25.4.1.

Høyringsinstansane støttar også forslaget om å vidareføre retten til spesialundervisning for å utvikle og halde ved like grunnleggjande ferdigheter. Mange av dei som støttar forslaget, peikar

likevel på at det behovet for å avklare forholdet mellom retten spesialundervisning for å utvikle og halde ved like grunnleggjande ferdigheter og andre tenester, og då særleg helsetenester.

#### *43.16.3.2 Individuell tilrettelegging i den vidaregåande opplæringa*

Dei om lag 15 høyringsinstansane som har uttalt seg om forslaget om individuell tilrettelegging i vidaregåande opplæring for vaksne, støttar at det blir innført ein slik rett, men fleire har også kommentarar til forslaget.

*Norsk Lektorlag* er blant dei som støttar forslaget og peikar på at dette er ei viktig styrking av rettane til denne gruppa. KS meiner at rett til individuell tilrettelegging for vaksne følgjer av den utvida retten til vidaregåande opplæring. KS støttar forslaget om å gi fylkeskommunen høve til å vurdere ressursbruk. *Nettverk for kommunal voksenopplæring i Møre og Romsdal* stiller seg derimot undrande til at det skal kunne takast omsyn til ressursar i vidaregåande opplæring, men ikkje i grunnskoleopplæring for vaksne.

*Arbeids- og velferdsdirektoratet* støttar forslaget, men meiner at det bør vurderast å gi unge mellom 19 og 25 år som vel å nytte seg av opplæringstilbod for vaksne, like rettar til individuell tilrettelegging som i vidaregåande opplæring for ungdom. *Interesseorganisasjonen for kommunal voksenopplæring (IKVO)* meiner deltakarar i den vidaregåande opplæringa for vaksne bør ha ein lik rett til individuell tilrettelegging som deltakarar i grunnskoleopplæringa for vaksne. Fleire fylkeskommunar peikar på at formuleringa «når det er nødvendig for at opplæringa skal vere forsvarleg» er for vag og skjønnsmessig, og meiner det bør vere tydelegare vilkår for når retten trer i kraft. Det spørst også om det vil vere krav om sakkunnig vurdering frå den pedagogisk-psykologiske teneста (PP-tenesta).

### **43.16.4 Departementets vurdering**

#### *43.16.4.1 Individuell tilrettelegging i grunnskoleopplæring for vaksne*

Departementet foreslår å vidareføre retten til individuell tilrettelegging (kalla spesialundervisning i dag) i grunnskoleopplæring for vaksne. Forslaget inneber at det er lik rett og like reglar for saksbehandlinga som for barn og unge.

Departementet er samd med høyringsinstansane i at det er ei uklar grense mellom den særlege retten til spesialundervisning for å utvikle

og halde ved like grunnleggjande ferdigheter og andre tenester, særleg innanfor helse. Departementet foreslår likevel at den særlege retten blir vidareført, då vi meiner han ikkje kan fjernast eller innskrenkast før det er greidd ut om det finst andre tenester og tilbod som vil vareta vaksne som har behov å utvikle og halde ved like grunnleggjande ferdigheter (til dømes gjennom ADL-trening).

#### *43.16.4.2 Individuell tilrettelegging i vidaregåande opplæring for vaksne*

Departementet foreslår ein meir avgrensa rett til individuell tilrettelegging i den vidaregåande opplæringa for vaksne enn det som gjeld i grunnskoleopplæringa for vaksne og for barn og unge. Departementet har forståing for innspelet om at ein meir vilkårlaus rett til tilrettelegging i endå større grad enn forslaget ville lagt til rette for at vaksne fullfører vidaregåande opplæring. Samtidig er det ikkje urimeleg at retten til tilrettelegging er betre på lågare nivå og for barn og unge.

Departementet har også forståing for innspelet frå *Arbeids- og velferdsdirektoratet* om at dei mellom 19 og 25 år bør ha lik rett til tilrettelegging som i vidaregåande opplæring for ungdom. Samtidig vil det bli krevjande for fylkeskommunen der som deltakarar i same gruppe skal ha ulike rettar til tilrettelegging. Vidaregåande opplæring for vaksne er meir fleksibel enn vidaregåande opplæring for ungdom, mellom anna ved at ho byggjer på realkompetansen til den enkelte, kan vere komprimert, skje på kveldstid osv. Dersom unge mellom 19 og 25 år vel eit slikt tilbod, meiner departementet det ikkje er urimeleg at dei ikkje samtidig beheld dei rettane som gjeld i vidaregåande opplæring for ungdom.

Forslaget vil gi vaksne i vidaregåande opplæring tilsvarande rett til tilrettelegging som studenter, og ordlyden i høyringa tok utgangspunkt i dågjeldande universitets- og høgskolelov (uhl.) § 4-3 femte ledd. I ettertid er regelen i universitets- og høgskolelova endra slik at han skal svare til formuleringa frå likestillings- og diskrimineringslova (ldl.) § 21. Departementet foreslår ein tilsvarande regel i vidaregåande opplæring for vaksne. Tredje og fjerde ledd i forslaget blir då slik:

Deltakarar i den vidaregående opplæringa med nedsett funksjonsevne eller særskilde behov har rett til eigna individuell tilrettelegging av lærestad, undervisning, læremiddel og eksamen, for å sikre likeverdige høve til opplæring.

Retten etter tredje ledd gjeld ikkje tilrettelegging som inneber ei uforholdsmessig byrde for fylkeskommunen. Når fylkeskommunen skal vurdere om tilrettelegginga inneber ei uforholdsmessig byrde, skal fylkeskommunen legge særleg vekt på effekten tilrettelegginga har for å byggje ned barrierane for deltakarar med nedsett funksjonsevne og særskilde behov, dei nødvendige kostnadene ved tilrettelegginga og kva ressursar fylkeskommunen har til rådighet.

Forslaget skil seg innhaldsmessig i liten grad frå forslaget i høyringa sjølv om regelen er formulert annleis. I forslaget, som er basert på likestillings- og diskrimineringslova og universitets- og høgskolelova, er det teke inn ei opplisting av moment i vurderinga av kva som er ei uforholdsmessig byrde, og dermed kvar grensa for retten til tilrettelegging går. Opplistinga av relevante moment i vurderinga vil vere til støtte for den skjønnsmessige vurderinga som må gjerast. Til liks med det som følgjer av uhl. § 4-3 c, foreslår departementet at retten til tilrettelegging skal gjelde både ved funksjonsnedsetjingar og andre særskilde behov. Dermed vil retten også gjelde mellombelse funksjonsnedsetjingar og særskilde behov som det kanskje ikkje er naturleg å oppfatte eller definere som ei funksjonsnedsetjing.

Eit spørsmål frå høyringsinstansane er om det skal vere krav om sakkunnig vurdering frå den pedagogisk-psykologiske tenesta (PP-tenesta) for å gjere vedtak om individuell tilrettelegging i vidaregåande opplæring for vaksne. Eit krav om sakkunnig vurdering vil sikre god opplysning av saka og vil innebere at saksgangen blir lik som ved individuelt tilrettelagd opplæring (spesialundervisning) for barn og unge og i grunnskoleopplæring for vaksne. På den andre sida er det ikkje tenleg å stille krav om ei sakkunnig vurdering når noko av poenget er å få like reglar som i ldl. § 21 og uhl. § 4-3 c. Ei sakkunnig vurdering vil dessutan i mindre grad vere avgjerande for kva slags tilrettelegging deltakaren i vidaregåande opplæring for vaksne skal få, ettersom det også skal kunne takast omsyn til ressursbruk. Fylkeskommunen må likevel sørge for at saka er tilstrekkeleg opplyst før det blir gjort vedtak om tilrettelegging, jf. forvaltningslova § 17. Departementet foreslår at det ikkje blir stilt krav om sakkunnig vurdering. Bruk av sakkunnig vurdering frå PP-tenesta kan vere aktuelt for å opplyse saka, men det vil vere opp til fylkeskommunen om dette er nødvendig, eller om saka kan opplysast på annan måte.

Departementet meiner at dette forslaget, til liks med forslaget i høyringa, i liten grad skil seg frå dei tolkingane som er lagde til grunn om terskelen for tilrettelegging for vaksne i vidaregåande opplæring i dag. Ldl. § 21 gjeld etter ordlyden sin «elevar og studentar», men departementet går ut frå at dei som får grunnskoleopplæring og vidaregående opplæring for vaksne også er omfatte sjølv om opplæringslova bruker omgrepet «deltakarar». Departementet viser i denne samanhengen til at det gjeld ei tilsvarende tilretteleggingsplikt for arbeidssøkjarar og arbeidstakarar i ldl. § 22.

### **43.16.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å vidareføre reglane om individuell tilrettelegging av opplæringa i førebuande opplæring for vaksne, sjå forslaget til § 19-5 andre ledd og § 19-6
- å innføre ein rett til tilrettelegging i vidaregåande opplæring for vaksne tilsvarende den som gjeld for studentar etter universitets- og høgskolelova, sjå forslaget til § 19-5 tredje og fjerde ledd

### **43.17 Alternativ og supplerande kommunikasjon**

#### **43.17.1 Dagens reglar**

Det følgjer av opplæringslova § 4A-13 at vaksne som heilt eller delvis manglar funksjonell tale og har behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK), skal få nytta eigne kommunikasjonsformer og nødvendige kommunikasjonsmidler i opplæringa. Vaksne som ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning etter reglane i § 4A-2. Dette inkluderer nødvendig opplæring i å bruke alternativ og supplerande kommunikasjon.

Reglane om ASK er nærmare omtalte i punkt 26.

#### **43.17.2 Høyringsforslaget**

Departementet foreslo å vidareføre reglar om alternativ supplerande kommunikasjon (ASK) tilsvarende som for barn og unge.

Med dette høyringsforslaget følgde departementet ikkje opp forslaget frå opplæringslovutvalet som i NOU 2019: 23 kapittel 45 foreslo å oppheve reglane om ASK.

### **43.17.3 Høyringsinstansanes syn**

Dei fleste som har uttalt seg om alternativ supplerande kommunikasjon (ASK), har uttalt seg til det tilsvarande forslaget for barn og unge. Høyringsinnspele blir omtalte og vurderte i punkt 26.4.

### **43.17.4 Departementets vurdering**

Departementet meiner det bør vere like reglar for barn, unge og vaksne når det gjeld alternativ supplerande kommunikasjon (ASK). Departementet foreslår derfor å vidareføre reglane om ASK for vaksne til liks med det som blir foreslått for barn og unge (sjå punkt 26.5).

Paragrafen om ASK presiserer mellom anna rett til den opplæringa den enkelte treng for å kunne bruke alternativ og supplerande kommunikasjon, og det blir vist til at denne opplæringa kan vere ein del av spesialundervisning. Den sistnevnte delen av paragrafen gjeld i dag berre for deltakarar som får grunnskoleopplæring for vaksne, fordi deltakarar i vidaregåande opplæring for vaksne ikkje har rett til spesialundervisning. Ettersom departementet foreslår at det blir innført rett til individuell tilrettelegging i vidaregåande opplæring for vaksne, vil heile paragrafen om ASK gjelde alle vaksne. Reglane om ASK utvider likevel ikkje retten til individuell tilrettelegging for deltakarar i vidaregåande opplæring for vaksne, som er meir avgrensa enn retten til individuelt tilrettelagd opplæring for deltakarar i grunnskoleopplæring for vaksne, sjå punkt 43.16.4.

Departementet viser elles til vurderingane i punkt 26.5.

### **43.17.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår å vidareføre reglane om alternativ supplerande kommunikasjon (ASK), sjå forslaget til § 19-7.

## **43.18 Målform i opplæringa for vaksne**

### **43.18.1 Dagens reglar**

I dagens opplæringslov er det ikkje reglar om målform når det gjeld grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne.

### **43.18.2 Høyringsforslaget**

Departementet foreslo å lovfeste rett til å velje målform på eige skriftleg arbeid i grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne.

Forslaget var nytt samanlikna med forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 45.

### **43.18.3 Høyringsinstansanes syn**

Det er få som har uttalt seg om forslaget om rett til å velje målform, men dei som har uttalt seg, støttar det. *Vaksenopplæringa i Møre og Romsdal* meiner at forslaget bør gå lenger. Vaksenopplæringa meiner at vaksne også bør ha rett til læremiddel på ønskt målform.

### **43.18.4 Departementets vurdering**

Departementet foreslår å lovfeste ein rett til å velje målform på eige skriftleg arbeid i grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne.

Departementet er prinsipielt samd med *Voksenopplæringen i Møre og Romsdal* i at vaksne bør ha tilgang til læremiddel på ønskt målform. Der som det skal vere rett til læremiddel på ønskt målform, føreset det at det berre blir tekne i bruk læremiddel som blir tilbydde på begge målformer til same tid og pris (parallelitetskravet). Det er færre vaksne som får grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring enn barn og unge. Det finst eigne læremiddel til vaksne i marknaden, men departementet har ikkje eit godt kunnskapsgrunnlag om kva som faktisk blir brukt. Det er likevel ikkje tilrådeleg å bruke same læremiddel som for barn og unge utan tilpassingar til vaksne, særleg når det gjeld grunnskoleopplæring. Behovet for eigne læremiddel vil forsterkast ytterlegare ved innføring av eigne læreplanar for opplæring for vaksne (sjå punkt 43.14). Dersom det blir innført eit parallelitetskrav for grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne, er det ein risiko for at det i praksis ikkje blir laga læremiddel som er særleg tilpassa vaksne, og at kommunane og fylkeskommunane må bruke læremidla som er utvikla for barn og unge, også i denne opplæringa. Departementet foreslår derfor ikkje eit parallelitetskrav for læremiddel for vaksne og dermed heller ikkje ein rett til læremiddel på ønskt målform.

### 43.18.5 Departementets forslag

Departementet foreslår å lovfeste rett til å velje målform på eige skriftleg arbeid i førebuande og vidaregåande opplæring for vaksne, sjá forslaget til § 19-3.

## 43.19 Samisk opplæring for vaksne

### 43.19.1 Dagens reglar

Opplæringslova inneholder ingen eigne reglar om opplæring i og på samisk for vaksne. I Utdanningsdirektoratets rundskriv, Udir-3-2012, er det lagt til grunn at samar som får grunnskoleopplæring for vaksne, har rett til opplæring i og på samisk. Det er lagt til grunn at dei har slike rettar i den grad dette er nødvendig for at dei kan få ei forsvarleg opplæring. I rundskriv Udir-2-2008 er det lagt til grunn at samar i vidaregående opplæring for vaksne har rett til opplæring i samisk. Samar i vidaregående opplæring for vaksne har til liks med ungdom i vidaregående opplæring ikkje rett til opplæring på samisk.

### 43.19.2 Høyringsforslaget

Departementet foreslo

- å lovfeste rett til opplæring i samisk for samar i grunnskolen og vidaregående opplæring for vaksne
- å lovfeste rett til opplæring på samisk når det er nødvendig for at samar skal få forsvarleg grunnskoleopplæring for vaksne.

Med dette høyringsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 45.

### 43.19.3 Høyringsinstansanes syn

Dei fleste av dei som har uttalt seg om det, støttar heilt eller delvis departementets forslag om å lovfeste rettar til opplæring i og på samisk for vaksne. *Nasjonalt senter for samisk i opplæringa, Samisk vidaregåande skole og reindriftsskole* og fleire kommunar og fylkeskommunar er blant dei som støttar forslaget heilt eller delvis. *Nasjonalt senter for samisk i opplæringa* meiner at vilkåret for rett til opplæring på samisk, «når det er nødvendig for at vaksne samer skal få forsvarlig grunnskoleopplæring», er for vagt og opnar for subjektive vurderingar, og at det som minimum bør utarbeidast ei rettleiing for denne vurderinga. *Utdanningsforbun-*

*det* støttar forslaget, men meiner retten til opplæring på samisk også bør gjelde for vaksne i vidaregåande opplæring. *Oslo kommune* støttar forslaget om rett til opplæring i samisk, men støttar ikkje forslaget om rett til opplæring på samisk for grunnskoleopplæringa for vaksne. *Oslo kommune* meiner forslaget gir vaksne samar ein sterkare rett til opplæring på samisk enn elevar i ordinær grunnskole og vidaregåande skole, og meiner at retten vaksne har til opplæring på samisk, berre bør gjelde innanfor forvaltningsområdet for samisk språk.

### 43.19.4 Departementets vurdering

Departementet foreslår å lovfeste rett til opplæring i samisk for samar i grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne. Departementet meiner det er viktig å lovfeste denne retten ettersom staten har eit særleg ansvar for å leggje til rette for at den samiske folkegruppa kan sikre og utvikle språket sitt, jf. Grunnlova § 108.

Departementet meiner samar i vidaregåande opplæring for vaksne ikkje bør få betre rettar enn ungdom (sjá punkt 30). Departementet foreslår at samar i vidaregåande opplæring for vaksne berre skal ha rett til opplæring i samisk, ikkje på samisk.

Departementet er samd med *Oslo kommune* i at forslaget om opplæring på samisk i grunnskoleopplæring for vaksne, slik det var utforma i høyringa, gir ein betre rett til opplæring på samisk for vaksne enn barn i grunnskolen. Dette var ikkje tilskita. Departementet meiner retten til opplæring på samisk for vaksne skal avgrensast til å gjelde for dei som bur i forvaltningsområdet for samisk språk etter samelova § 3-1, slik som for barn. I grunnskolen for barn er det også ein regel om opplæring på samisk utanfor forvaltningsområdet for samisk språk dersom minst ti elevar i ein kommune ønskjer det. Departementet foreslår ingen tilsvarande regel for vaksne, men går ut frå at fylkeskommunen vil leggje til rette for at vaksne samar som ønskjer opplæring på samisk, får tilgang til slike tilbod.

Departementet foreslår elles at retten til opplæring på samisk berre skal gjelde dersom det er nødvendig for at deltakaren skal få forsvarleg utbytte av opplæring. Ein slik terskel gjeld ikkje for barn og unge, men er lagt til grunn for vaksne i dag i forarbeid og rundskriv. Terskelen inneber at vaksne i dei fleste tilfelle ikkje vil ha rett til opplæring på samisk, då dei fleste vaksne kan få forsvarleg utbytte ved å følgje opplæringa på norsk.

### 43.19.5 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å lovfeste at samiske deltakarar i førebuande og vidaregåande opplæring for vaksne har rett til opplæring i samisk, sjå forslaget til § 19-4 første punktum
- å innføre ein regel om at samiske deltakarar i førebuande opplæring for vaksne som bur i forvaltningsområdet for samisk språk, har rett til opplæring på samisk når det er nødvendig for å få forsvarleg utbytte av opplæringa, sjå forslaget til § 19-4 andre punktum

## 43.20 Særskild språkopplæring for vaksne

### 43.20.1 Dagens reglar

Det er i dag ikkje eigne reglar om særskild språkopplæring for vaksne. Det er i forarbeida til opplæringslova og i Utdanningsdirektoratets rundskriv, Udir-3-2012, likevel lagt til grunn at dei som får grunnskoleopplæring for vaksne, har rett til særskild språkopplæring. Særskild språkopplæring vil seie særskild norskopplæring, og om nødvendig tospråkleg fagopplæring og morsmålsoppplæring (sjå nærmere omtale i punkt 28.2). I Utdanningsdirektoratets rundskriv, Udir-2-2008, er det derimot lagt til grunn at deltakarar i vidaregåande opplæring for vaksne berre har rett til den norskopplæringa som inngår i det utdanningsprogrammet dei følgjer.

### 43.20.2 Høyringsforslaget

Departementet foreslo

- å lovfeste rett til særskild språkopplæring i grunnskoleopplæring for vaksne
- å innføre rett til særskild norskopplæring i vidaregåande opplæring for vaksne.

Forslaget om å lovfeste rett til særskild språkopplæring i grunnskoleopplæring for vaksne er ei oppfølging av opplæringslovutvalets forslag i NOU 2019: 23 kapittel 45. Forslaget om rett til særskild norskopplæring i vidaregåande opplæring for vaksne var nytt samanlikna med utvalets forslag.

### 43.20.3 Høyringsinstansanes syn

Det er om lag 30 høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget. Dei aller fleste støttar forslaget om å lovfeste rett til særskild språkopplæring i

grunnskoleopplæringa for vaksne, mellom anna *Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring (NAFO)*, fleire statsforvaltarar og fleire kommunar. *Halden kommune* uttaler at kommunen ikkje kan støtte eit slikt forslag utan at det blir følgt opp av auka overføringer frå staten. Kommunen meiner at grunnskoleopplæringa for vaksne i utgangspunktet er såpass tilrettelagd at det i heilskap er snakk om særskild språkopplæring. *Fredrikstad kommune* peikar på at omrent alle deltakarane i praksis vil ha behov for særskild norskopplæring, og at forslaget mest sannsynleg vil føre til eit auka ressursbehov.

Dei fleste støttar også forslaget om rett til særskild norskopplæring vidaregåande opplæring for vaksne, men mellom anna *Arbeids- og velferdsdirektoratet*, *Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir)*, *Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi)*, *NAFO* og fleire vaksenopplæringssenter meiner det bør innførast ein rett til tospråkleg fagopplæring, og ikkje berre særskild norskopplæring. *Viken fylkeskommune* er blant dei som støttar forslaget, men peikar samtidig på at forslaget må følgjast opp med å styrke fylkeskommunane økonomisk.

### 43.20.4 Departementets vurdering

Departementet foreslår å lovfeste rett til særskild språkopplæring for deltakarar i grunnskoleopplæringa for vaksne.

Departementet foreslår også å innføre rett til forsterka opplæring i norsk (særskild norskopplæring) i vidaregåande opplæring for vaksne. Norskopplæring er heilt grunnleggjande for dei som ikkje kan norsk godt nok til å følgje den ordinære opplæringa, noko som tilseier at det bør vere ein individuell rett til forsterka opplæring i norsk. Sjå om nemninga forsterka norskopplæring i punkt 28.5.1.

For at deltakarar skal kunne gjere nytte av opplæringa og halde ved lag motivasjonen for å gjennomføre vidaregåande opplæring, treng vaksne som manglar norskkunnskapar, forsterka opplæring norsk i ein periode. Alternativet er at deltakaren må følgje ordinær undervisning i norsk og andre fag utan å ha tilstrekkeleg norskkunnskapar til å forstå undervisninga. Dette vil vere lite motiverande og kan føre til at deltakarene ikkje fullfører vidaregåande opplæring. Alternativt kan deltakaren bli lenger enn nødvendig i vidaregåande opplæring. Dette vil vere lite effektivt både for deltakaren og for samfunnet.

Departementet har forståing for innspelet frå fleire høyringsinstansar om at deltakarar i vidare-

gåande opplæring for vaksne også bør ha rett til tospråkleg opplæring i fag, då dette kan gi ei meir effektiv og motiverande opplæring enn dersom deltakaren først må lære tilstrekkeleg norsk til å kunne følgje opplæringa i fag på norsk. Samtidig kan det vere ein fordel om fylkeskommunen får handlingsrom til å vurdere korleis opplæringa bør leggjast opp, om deltakarane bør få nødvendig norskopplæring først, eller om dei bør få tospråkleg opplæring i fag parallelt med norskopplæringa. Ein eventuell rett til tospråkleg opplæring i fag vil dessutan føra til auka kostnader for fylkeskommunen, og det er derfor også eit spørsmål om prioritering. Departementet foreslår ikkje å innføre rett til tospråkleg opplæring i fag for vaksne i vidaregåande opplæring. Departementet vil likevel understreke at fylkeskommunen kan gi tilbod om tospråkleg opplæring i fag, og viser til fordelar med dette.

### 43.20.5 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å lovfeste rett til særskild språkopplæring i førebuande opplæring for vaksne, sjå forslaget til § 19-8 første ledd
- å innføre rett til forsterka opplæring i norsk i vidaregåande opplæring for vaksne, sjå forslaget til § 19-8 andre ledd

## 43.21 Opplæring i teiknspråk og punktskrift for vaksne

### 43.21.1 Dagens reglar

Det følgjer det av opplæringslova § 3-9 første ledd andre punktum at reglane om teiknspråkopplæring i vidaregåande opplæring for elevar også gjeld for vaksne. Det vil seie at vaksne har rett til opplæring ved hjelp av teiknspråktolk eller til å gå på vidaregåande skolar som har opplæring i og på norsk teiknspråk (såkalla knutepunktskolar). Det følgjer likevel av forskrift til opplæringslova § 6-43 at vaksne skal prioriterast etter ungdom ved oversøking til knutepunktskolar. Det er heller inga plikt for fylkeskommunane til å opprette eller halde ved lag knutepunktskolar. Teiknspråkopplæring i grunnskoleopplæring for vaksne er ikkje regulert i dagens lov.

Dagens opplæringslov inneheld ikkje reglar om punktskrift og mobilitetstrening osv. for vaksne.

I forarbeida til lova er teiknspråkopplæring og opplæring i punktskrift nemnde som døme på aktuelle tiltak for å tilpasse opplæringa etter beho-

vet til den vaksne jf. § 4A-1 første ledd om grunnskoleopplæring for vaksne.

### 43.21.2 Høyringsforslaget

Departementet foreslo

- å innføre rett til opplæring i teiknspråk i grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne
- å innføre rett til opplæring på norsk teiknspråk, anten direkte eller ved bruk av tolk i grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne
- å innføre rett til opplæring i punktskrift og rett til mobilitetstrening.

Forslaget var nytt samanlikna med forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 45. Opplæringslovutvalet foreslo ikkje eigne reglar om punktskrift og teiknspråk for vaksne, men viste til at vaksne kan få slik opplæring gjennom reglane om individuell tilrettelegging av opplæringa.

### 43.21.3 Høyringsinstansanes syn

Det er om lag 15 høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaga.

Høyringsinstansane som har uttalt seg om forslaga, støttar dei heilt eller delvis. *Arbeids- og velferdsdirektoratet, Språkrådet, Statped*, fleire kommunar og *Unge funksjonshemmede* er blant desse. *Statped* støttar ikkje at opplæring i og på teiknspråk skal kunne givast med tolk, og viser til at tolking ikkje er opplæring. *Språkrådet* er også imot forslaget om at opplæringa skal kunne givast med tolk, og peikar på at opplæring i teiknspråk ikkje kan givast via ein tolk, men krev ein teiknspråkleg lærar som har kompetanse i teiknspråkdidaktikk.

Høyringsinnspeila til innhaldet i reglane om punktskrift, mobilitetstrening og opplæring i bruk av tekniske hjelpemiddel er omtalte og vurderte i punkt 32.

### 43.21.4 Departementets vurdering

Departementet foreslår å lovfeste at vaksne som treng det, skal ha rett til opplæring i teiknspråk. Departementet foreslår også at vaksne anten skal få opplæring på teiknspråk eller opplæring ved bruk av tolk. På bakgrunn av høyringa foreslår departementet å formulere lovforslaget slik at rett til opplæring med tolk ikkje blir omtalt som ein rett til opplæring på teiknspråk. Departementet

understrekar at vaksne deltakarar etter forslaget berre vil ha rett til å få opplæring på teiknspråk, altså opplæring gitt av ein teiknspråkleg lærar, dersom det finst slike tilbod som den vaksne blir teken inn på. Elles vil den vaksne ha rett til å få opplæring ved bruk av tolk. I vidaregåande opplæring kan vaksne søkje seg inn på såkalla knutepunktskolar, men skal etter dagens forskrift til opplæringslova prioriterast etter ungdom. Høvet den vaksne har til å få opplæring på teiknspråk, vil derfor i praksis avhenge av om det finst aktuelle tilbod, og om den vaksne får plass. Det vil truleg vere mindre aktuelt for vaksne å delta i teiknspråklege grunnskoletilbod saman med barn, men kommunen kan og bør tilby vaksne som treng det, grunnskoleopplæring på teiknspråk. Dersom det ikkje er noko aktuelt tilbod, må den vaksne få opplæringa ved bruk av tolk.

Departementet foreslår å lovfeste at deltakarar i opplæringa for vaksne som er blinde eller sterkt svaksynte, har rett til nødvendig opplæring i punktskrift og nødvendig mobilitetstrening, tilsvarende det som gjeld for barn og unge (sjå punkt 32). Vaksne vil også ha rett til tekniske hjelpemiddel og fysisk tilrettelegging gjennom reglane som blir foreslått om individuell tilrettelegging av opplæringa (sjå punkt 43.16).

### **43.21.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å innføre rett til opplæring i norsk teiknspråk i førebuande og vidaregåande opplæring for vaksne, sjå forslaget til § 19-9 første punktum
- å innføre rett til opplæring på norsk teiknspråk eller opplæring ved hjelp av teiknspråktolk i førebuande og vidaregåande opplæring for vaksne, sjå forslaget til § 19-9 andre punktum
- å innføre rett til opplæring i punktskrift og rett til mobilitetstrening, sjå forslaget til § 19-10

## **43.22 Organisering av opplæringa**

### **43.22.1 Dagens reglar**

Det følgjer av opplæringslova § 4A-1 første ledd tredje punktum og § 4A-3 første ledd tredje punktum at grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa for vaksne skal tilpassast behovet til den enkelte. Kravet inneber mellom anna at organiseringa skal tilpassast livssituasjonen til den enkelte, sjå punkt 43.13.1. At organiseringa av opplæringa skal tilpassast behovet til den enkelte, inneber for det første at grunnopplæringa for vaksne skal organiserast som eit eige tilbod til

vaksne og ikkje i same grupper som barn og ungdom, jf. Ot.prp. nr. 44 (1999–2000) og Utdanningsdirektoratets rundskriv, Udir 2-2008 punkt 7. Opplæringstilbodet skal dessutan tilpassast livssituasjonen til dei vaksne deltakarene. Døme på tilpassingar er at lengda og tidspunktet til undervisninga kan tilpassast for å gi vaksne høve til å kombinere opplæringa med arbeid eller omsorgsoppgåver, jf. Ot.prp. nr. 44 (1999–2000) og Utdanningsdirektoratets rundskriv, Udir 2-2008 punkt 9 og Udir 3-2012 punkt 4. Opplæringslova inneholder ikkje dei same avgrensingane for organiseringa av opplæringa for vaksne som for barn og unge, som krav til nærskole, reglar om gruppeinndeling og grupphestorleik osv. Kommunen og fylkeskommunen står dermed friare når det gjeld organiseringa av opplæringa for vaksne enn for barn og unge. Det følgjer av opplæringslova § 4A-4 andre ledd at kommunen og fylkeskommunen kan bruke studieverbund, godkjende nettskolar og andre for å oppfylle plikta til å gi opplæring til vaksne.

### **43.22.2 Høyringsforslaget**

Departementet foreslo

- å lovfeste at grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne skal organiserast som eit særskilt opplæringstilbod for vaksne, og at det særskilde opplæringstilbodet for vaksne skal tilpassast livssituasjonen til deltakarane
- å vidareføre at kommunen og fylkeskommunen kan nytte andre rettssubjekt til å gi førebuande og vidaregåande opplæring for vaksne, men at kommunen og fylkeskommunen likevel ikkje kan delegera til andre rettssubjekt å utferde dokumentasjon av opplæringa

Forslaget om å lovfeste eit delegeringsforbod når det gjeld å utferde dokumentasjon av opplæringa, var nytta samanlikna med forslaget frå opplæringslovutvalet. Forslaget følgde elles opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 45, men med nokre språklege endringar.

### **43.22.3 Høyringsinstansanes syn**

Det er i underkant av 20 høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaga om organiseringa av opplæringa. Dei fleste støttar forslaget heilt eller delvis, men mange har kommentarar til delar av forslaget.

*Oslo kommune* støttar forslaget og viser til at når opplæringstilbodet skal vere fleksibelt slik at det møter behovet til vaksne deltakarar, må ram-

mene for å tilby opplæringa støtte opp under denne fleksibiliteten. *Statsforvaltaren i Vestlandet* peikar på at døma på tilpassingar i forslaget til lovtekst, kveldsundervisning, nettundervisning og komprimering av opplæringstida, berre er nokre av tilpassingane som er nemnde i rundskriv Udir-3-2012, og at det er ein risiko for at vaksne ikkje vil få tilpassingar utover dei som er nemnde i lovteksten. Statsforvaltaren meiner også det er nødvendig med nærmere rettleiing om kva andre typar tilpassingar som kan vere aktuelle.

*Faglig råd for elektro og data teknologi* meiner komprimering av opplæringstida ikkje må omfatte lærertida i bedrift eller i praksisdelen av faget.

*Statsforvaltaren i Oslo og Viken* meiner det bør komme tydelege føringar for kor mange deltakrar som trengst før kommunen må opprette til dømes opplæring på kveldstid eller nettkurs, slik at tilbodet ikkje i så stor grad blir basert på kommuneøkonomien. *Stjørdal voksenopplæring ved Integreringsenheten* viser til at det er klart dyrare å halde kveldsundervisning enn dagundervisning, og at det avheng av talet på deltakarar om eit tilbod er berekraftig i seg sjølv.

*Norsk Lektorlag* er imot at opplæringa for vaksne skal kunne organiserast som nettundervisning, og *Introduksjonssenter nord Asker* peikar på at ikkje alle vaksne kan nyttiggjere seg av fjernundervisning. *Jessheim vidaregåande skole* peikar på at «nettundervisning» er eit gammalt uttrykk, og at det heller bør visast til bruk av digitale flater eller liknande. *Oslo kommune* peikar på at kombinasjon av fysisk og digital undervisning utfordrar årsverket til lærarar, og meiner det bør utarbeidast føringar saman med partane i arbeidslivet for å hindre at ulike lokale løysingar påverkar rammefaktorane til elles like opplæringsløp.

*Introduksjonssenter nord Asker* meiner vaksne bør kunne velje å gå på eit ungdomstilbod, der som det ønsktes tilbodet ikkje er etablert for vaksne. *Innlandet fylkeskommune* støttar derimot vidareføring av regelen om at opplæringa for vaksne skal organiserast som eit særskilt tilbod for vaksne, og meiner dette aukar tilgjengelighet og motivasjon for gjennomføring av vidaregåande opplæring.

*Skolenes landsforbund* ønskjer å stryke denne delen av forslaget: «Kommunen og fylkeskommunen kan nyte andre rettssubjekt, som til dømes studieforbund, til å gi opplæring til vaksne. Kommunen og fylkeskommunen skal sjølv dokumentere opplæringa etter § 19-1».

*Utdanningsforbundet* meiner det bør innførast ei øvre grense for gruppestorleik for grunnskoleopplæring for vaksne, då mange av deltakarane

har stort behov for tett individuell oppfølging og tilrettelegging.

#### 43.22.4 Departementets vurdering

Departementet meiner det bør lovfestast at grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne skal organiserast som eit særskilt opplæringstilbod for vaksne. Dette er ei lovfesting av gjeldande rett. Som omtalt i punkt 43.5 foreslår departementet å ta inn i lova at fylkeskommunen kan velje å tilby vaksne å delta i vidaregåande opplæring for ungdom. Departementet går ut frå at dette i nokre tilfelle vil vere ei tenleg løysing både for fylkeskommunen og den vaksne. Det bør likevel vere opp til fylkeskommunen om dei vil tilby det, då det også må takast omsyn til mellom anna talet på ungdommar som søker, kapasitet og skolemiljø. Departementet meiner derfor at vaksne ikkje bør få rett til å velje eit ungdomstilbod, slik *Introduksjonssenter nord Asker* har gitt innspel om.

Departementet foreslår også å lovfeste at det særskilde opplæringstilboden for vaksne skal tilpassast livssituasjonen til dei vaksne. Departementet er enig med *Statsforvaltaren i Vestlandet* i at ei oppling av døme på tilpassingar kan misforståast som uttømmande. Departementet foreslår derfor ikkje å ta inn døme i lovteksten, men vil heller gi informasjon om aktuelle døme i rundskriv eller anna rettleiing.

Departementet meiner det ikkje bør lovfestast kor mange deltakarar som må til for at det skal vere krav om å opprette tilbod på kveldstid, slik *Statsforvaltaren i Oslo og Viken* gir innspel om. Departementet meiner kommunen og fylkeskommunen er nærest til å vurdere dette. Kravet om tilpassing av organiseringa skal ikkje forståast slik at kommunane og fylkeskommunane må lage eit skreddarsydd opplæringsløp for kvar enkelt vaksen, då dette ville vere svært ressurskrevjande og kanskje heller ikkje det beste for den enkelte. Det er likevel klart at dei opplæringsløpa som kommunane og fylkeskommunane etablerer, må gi rom for at dei vaksne i kommunen eller fylkeskommunen kan ta grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring. Sjå også tilsvarande vurdering i punkt 43.13.4.

Departementet forslår ikkje å regulere gruppestorleik, slik *Utdanningsforbundet* gir innspel om. Kor store gruppene kan vere, vil vere avhengig av mellom anna korleis opplæringa er organisiert, og korleis gruppa er samansett. Departementet meiner kommunen og fylkeskommunen er nærest til å vurdere gruppestorleik, men under-

strekar at dei vaksne må få ei forsvarleg opplæring.

Departementet foreslår heller ikkje nærare regulering av kor mykje av opplæringa som kan givast som fjernundervisning, eller korleis dette skal gjennomførast, slik enkelte har etterspurt. At opplæringa for vaksne kan givast som fjernundervisning, er ei vidareføring av gjeldande rett. Departementet har tillit til at kommunen og fylkeskommunen finn eigna måtar å organisere opplæringa på, men vil understreke at opplæringa for vaksne må vere forsvarleg. Den vaksne kan ikkje få all opplæring som fjernundervisning dersom dette ikkje gir den vaksne forsvarleg opplæring. Dette må vurderast konkret, og kommunen og fylkeskommunen er nærast til å gjøre denne vurderinga. Departementet viser elles til at forslaget til nye reglar om fjernundervisning for barn og unge og rettleiing som vil utarbeidast til dette, kan vere relevant for kommunen og fylkeskommunen å ta omsyn til når dei skal vurdere korleis opplæringa for vaksne skal organiserast.

Departementet foreslår å vidareføre reglane om at kommunane og fylkeskommunen kan nytte andre rettssubjekt til å gi opplæringa til vaksne, og kan ikkje sjå at det har komme innspel i høyringa som tilseier ei innstramming av dette handlingsrommet. Departementet understreker at det i alle tilfelle er kommunen og fylkeskommunen som har ansvaret for at dei vaksne får den opplæringa dei skal ha. Krava i lova gjeld fullt ut også dersom kommunen og fylkeskommunen nyttar andre rettssubjekt til å gi opplæringa. Kommunen og fylkeskommunen må ha rutinar for korleis dette skal følgjast opp overfor andre rettssubjekt.

Det er i dag lagt til grunn at kommunen og fylkeskommunen kan delegere myndet til å gjøre vedtak, til dømes til å fastsetje standpunktcharakter, til private aktørar, men at myndet til å utfør dokumentasjon av opplæringa ikkje kan delegerast til private. Departementet foreslår at dette blir vidareført, og at delegeringsforbodet når det gjeld dokumentasjon, blir teke inn i lova.

Reglane om organisering gjeld ikkje vidaregåande opplæring i bedrift.

### 43.22.5 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å lovfeste at førebuande og vidaregåande opplæring for vaksne skal organiserast som eit særskilt opplæringstilbod for, sjå forslaget til § 19-2 første ledd
- å lovfeste at det særskilde opplæringstilbodet skal tilpassast livssituasjonen til dei vaksne og

at opplæringa kan givast som fjernundervisning, sjå forslaget til § 19-2 andre punktum

- å vidareføre at kommunen og fylkeskommunen kan nytte andre rettssubjekt til å gi førebuande og vidaregåande opplæring for vaksne, og ta inn i lova at kommunen og fylkeskommunen likevel ikkje kan delegere til andre rettssubjekt å utførde dokumentasjon av opplæringa, sjå forslaget til § 19-2 tredje ledd

## 43.23 Ordensreglar, bortvising og forbod mot ansiktsdekkjande plagg

### 43.23.1 Dagens reglar

Det følgjer av § 4A-4 fjerde ledd at kommunen og fylkeskommunen skal legge til rette for at dei som får grunnskoleopplæring eller vidaregåande opplæring for vaksne, får høve til å ta aktiv del i arbeidet med å fremje eit godt læringsmiljø og utdanningstilbod. I Utdanningsdirektoratets rundskriv, Udir-3-2012 punkt 3.2, er det lagt til grunn at lokala som blir brukte til opplæring av vaksne, må vere eigna til formålet.

I opplæringslova § 4A-9 første ledd er det fastsett at deltakarar i opplæringa for vaksne kan visast bort frå resten av det kurset dei er tekne inn på, dersom deltakaren har hatt ein oppførsel som i alvorleg grad går ut over orden og arbeidsro på skolen, eller deltakaren har forsømt pliktene sine. I samband med eit vedtak om bortvising kan fylkeskommunen vedta at deltakaren skal miste retten til vidaregåande opplæring. Ein deltakar kan ikkje visast bort dersom mindre inngripande tiltak er tilstrekkelege.

Forbodet mot ansiktsdekkjande plagg i opplæringslova § 9-7 gjeld også for opplæringa for vaksne. Dette forbodet er omtalt i punkt 34.5.

### 43.23.2 Høyningsforslaget

Departementet foreslo

- at det blir fastsett i lova at kommunen og fylkeskommunen kan gi lokale reglar om rettar og plikter for dei vaksne, mellom anna om orden, oppførsel og deltaking, og at tiltak må regulerast i dei lokale reglane for at dei skal kunne brukast overfor deltakarane
- at det ikkje lenger skal vere høve til å ta frå vaksne retten til vidaregåande opplæring
- å vidareføre reglar om bortvising frå resten av opplæringa (kurset, modulen e.l.), men innføre ein høgare terskel slik at dette berre kan gjerast ved særlege alvorlege brot

- å innføre ein regel om bortvising for kortare tidsrom ein resten av opplæringa, ved grove eller fleire brot
- å vidareføre at berre kommunen eller fylkeskommunen kan vedta bortvising for resten av opplæringa (kurset, modulen e.l.), men elles la det vere opp til kommunen og fylkeskommunen å avgjere om mynde til å vedta bortvising skal delegerast
- å vidareføre i lova at ein deltakar ikkje kan visast bort dersom mindre inngripande tiltak er tilstrekkelege
- å vidareføre forbodet mot ansiktsdekkjande plagg med nokre mindre endringar.

Forslaget var ei oppfølging av forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 45, med nokon språklege endringar.

### 43.23.3 Høyningsinstansanes syn

#### 43.23.3.1 Lokale ordensreglar

Det er om lag 15 høyningsinstansar som har uttalt seg om forslaget om lokale reglar. Eit klart fleirtal støttar forslaget. Fleire fylkeskommunar og kommunar og *NHO* er blant dei som støttar forslaget.

*Interesseorganisasjonen for kommunal voksenopplæring (IKVO), Introduksjonssenter nord Asker og UDF-klubben på Ås læringscenter* støttar ikkje forslaget, då dei meiner slike lokale reglar vil gjere at det blir forskjellar, og at deltakarar i kommunar med dårlige økonomi kan få eit dårligare tilbod.

*Oslo kommune* støttar forslaget, men har enkelte kommentarar. *Oslo kommune* meiner det er noko uklart kva ein meiner med at det kan givast reglar om «deltaking», og kva som er samanhengen med den foreslalte plikta til aktiv deltaking. Kommunen meiner vidare at paragrafen ikkje bør avgrensast til berre å gjelde «på oppæringsstedene i undervisning», og ber departement vurdere om paragrafen også bør gjelde når oppførselen finn stad utanfor undervisningsstad, men har nær tilknyting til skolen (til dømes krenking av meddeltakarar eller personalet på sosiale medium).

#### 43.23.3.2 Bortvising

Det er under ti høyningsinstansar som har uttalt seg om forslaga som gjeld bortvising. Alle støttar forslaget, men fleire har kommentarar. *Nettverk for communal voksenopplæring i Møre og Romsdal* peikar på at det er vanskeleg å sjå forskjellen på

«visast bort frå opplæringa» og «visast bort frå resten av opplæringa» i første og andre punktum i første ledd. *Oslo kommune* meiner det bør komme fram av paragrafen kor lenge ein deltakar kan visast bort for, slik det er for elevar. Kommunen meiner dessutan at regelen bør byggjast opp tilsvarende som for bortvising på grunn- og vidaregåande skole når det gjeld spørsmålet om kven som kan ta avgjerda om å vise bort. *Statsforvalten i Innlandet* meiner at det bør presiserast at bortvising for resten av opplæringa den vaksne er teken inn på, ikkje kan gjerast av rektor, men må gjerast av kommunen eller fylkeskommunen slik det gjeld for grunnskolen og den vidaregåande opplæringa for ungdom.

#### 43.23.3.3 Forbodet mot ansiktsdekkjande plagg

Dei få som har uttalt seg om forslaget om å vidareføre forbodet mot ansiktsdekkjande plagg i opplæringa for vaksne, støttar det. Sjå elles omtale av høyningsinnspel til det tilsvarende forbodet i opplæringa for barn og unge i punkt 34.5.3.

### 43.23.4 Departementets vurdering

#### 43.23.4.1 Lokale ordensreglar

Departementet meiner det, til liks med for barn og unge, bør kunne fastsetjast lokale ordensreglar for kvart enkelt voksenopplæringssenter. Fleire høyningsinstansar er bekymra for at tilgangen til å fastsetje lokale reglar vil føre til forskjellar, og at deltakarar i kommunar eller fylkeskommunar med dårlige økonomi kan få eit dårligare tilbod. Til dette vil departementet understreke at det ikkje blir opna for at kommunar og fylkeskommunar kan ta frå dei vaksne rettane i eller i medhald av lova gjennom dei lokale reglane. Dei lokale ordensreglane er meint å svare til det som i departementets forslag blir omtalt som «skoleregler» for barn og unge. Dette er reglar som supplerer nasjonale reglar, og som handlar om orden og oppførsel på opplæringsstaden og kva reaksjonar den vaksne kan bli møtt med ved brot på slike reglar. Departementet forslår ei anna formuleringa enn i høyringa for å få tydelegare fram kva slags reglar dette skal vere.

I ordensreglane kan det regulerast kva tiltak som kan brukast når deltakarane bryt reglane, og korleis slike saker skal behandlast. Det kan berre brukast tiltak som er fastsette i dei lokale reglane. På denne måten vil det blir føreseieleg for deltakarane kva ulike handlingar kan føre til, og deltaka-

rane blir gitt høve til å innrette seg og vareta rettane sine.

I høyringa foreslo departementet at «deltaking» vart nemnd som eit døme i lovteksten på kva det kan givast lokale reglar om. Departementet ser at det kan vere uklart kva som ligg i dette, særleg i lys av forslaget om å lovregulere ei plikt til aktiv deltaking for vaksne (sjå punkt 43.26). Departementet foreslår derfor å ta ut dette dømet. Det er i utgangspunktet ikkje nødvendig for kommunen og fylkeskommunen å gjenta lovkravet om deltaking eller andre lovkrav i dei lokale ordensreglane, men dersom brot på lovkravet skal medføre reaksjonar, så må lovkravet omfattast av dei lokale ordensreglane. Sjølv om departementet ikkje foreslår å ta med «deltaking» i lovteksten, kan kommunen og fylkeskommunen gi reglar om oppførsel som er relatert til deltaking, som til dømes reglar om oppmøte, forseintkomming og liknande.

Departementet er samd med *Oslo kommune* i at dei lokale reglane bør gjelde også når oppførelsen finn stad utanfor undervisningsstaden, men har nær tilknyting til undervisningsstaden eller - situasjonen. Departementet legg til grunn at dei lokale reglane vil ha tilsvarende verkeområde som skolereglane for barn og unge. Sjå omtale av dette i punkt 34.2.

#### 43.23.4.2 Bortvising

Departementet foreslår at det ikkje lenger skal vere tilgang til å ta frå vaksne retten til vidaregåande opplæring. Å ta frå nokon retten til vidaregåande opplæring er eit sterkt inngrep i ein grunnleggjande rett. Det har ikkje komme innspel til høyringa som tilseier at denne reaksjonen bør behaldast.

Departementet foreslår å vidareføre moglegheita for kommunen og fylkeskommunen til å vise bort ein deltakar frå resten av opplæringa (kurset, modulen e.l.), men å innføre ein høgare terskel slik at dette berre kan gjerast ved særlege alvorlege brot. Departementet ser at formuleringa i høyringa om bortvising frå «resten av opplæringa dei er teken inn på» er uklar og kan forståast som at den vaksne kan visast bort frå all framtidig opplæring, noko som ikkje var hensikta. Departementet foreslår derfor at det i lovteksten i staden står «resten av det kurset eller den modulen dei er teken inn på». Departementet foreslår ikkje å lovfeste ei tidsavgrensing som resten av skoleåret eller liknande, fordi det er opp til kommunen og fylkeskommunen korleis dei vil organisere opplæringa for vaksne, inkludert kva slags opplæ-

ringseiningar dei vil dele opplæringa inn i. Departementet vil likevel understreke at vaksne ikkje skal fråtakast retten til opplæring. Dermed kan ikkje kommunen og fylkeskommunen vedta bortvising frå så store opplæringseiningar at den vaksne i realitet er fråteke retten til opplæring. Den vaksne skal kunne visast bort frå det aktuelle kurset, modulen eller liknande, men ha moglegheit til å halde fram opplæringa ved neste oppstart av det aktuelle kurset eller modulen.

Departementet foreslår også ein regel om bortvising for kortare tidsrom enn resten av kurset eller modulen, ved grove eller fleire brot. Bortvising frå resten av kurset eller modulen er ein svært streng reaksjon som bør reserverast for særleg alvorlege brot. Det bør derfor vere tydeleg at ein deltakar kan visast bort for ein kortare periode. Departementet forslår også at det må regulera i dei lokale ordensreglane dersom bortvising skal kunne brukast som reaksjon. Det må komme fram kva brot som kan føre til bortvising, og kva slags (kor lang) bortvising som er aktuell.

Departementet foreslår å vidareføre at kommunen eller fylkeskommunen ikkje kan overlate til eit organ ved opplæringsstaden å vedta bortvising for resten av kurset, modulen e.l., ettersom dette er ein svært streng reaksjon. For kortare bortvising foreslår departementet ikkje slikt delegeringsforbod, noko som inneber at det er opp til kommunen og fylkeskommunen om dette skal delegerast til kvar enkelt opplæringsstad. Departementet forslår ikkje ein lik reguleringsmåte som for barn og unge fordi det er forskjellar mellom opplæringa for barn og unge og opplæringa for vaksne. Ettersom det ikkje er krav om rektor i vaksenopplæringa, er det ikkje tenleg å leggje myndet til å vise bort for kortare tidsrom direkte til rektor. Det vil likevel ikkje vere noko i vegen for at myndet til å vise bort blir delegert til ein rektor utanom for bortvising resten av kurset eller modulen, der det er delegeringsforbod. Departementet foreslår ikkje å regulere kva rektor kan delegere vidare til kvar enkelt lærar, men meiner dette berre bør gjerast for heilt korte bortvisingar.

Bortvising er ein inngripande reaksjon, og i mange tilfelle vil det vere tilstrekkeleg med mindre inngripande tiltak. Departementet foreslår å vidareføre i lova at ein deltakar ikkje kan visast bort dersom mindre inngripande tiltak er tilstrekkelege.

#### 43.23.4.3 Forbodet mot ansiktsdekkjande plagg

Departementet foreslår å vidareføre forbodet mot ansiktsdekkjande plagg i opplæringa for vaksne.

Sjå om utforming av forbodet og vurdering av høyningsinnspel til det tilsvarende forbodet i opplæringa for barn og unge i punkt 34.5.4.

### 43.23.5 Departementets forslag

Departementet foreslår

- at det blir fastsett i lova at kommunen og fylkeskommunen kan gi lokale reglar om orden og oppførsel (ordensreglar), sjå forslaget til § 20-3 første ledd
- at det blir fastsett i lova at kommunen og fylkeskommunen i ordensreglane kan angi kva tiltak som kan brukast når deltakarar bryt reglane, og korleis slike saker skal behandlast, sjå forslaget til § 20-3 andre ledd
- at det ikkje lenger skal vere tilgang til å ta frå vaksne retten til vidaregåande opplæring
- å vidareføre reglar om bortvising frå resten av kurset, modulen e.l., men innføre ein høgare terskel slik at dette berre kan gjerast ved særlege alvorlege brot, sjå forslaget til § 20-4 tredje ledd
- å innføre ein regel om bortvising for kortare tidsrom ein resten av opplæringa, ved grove eller fleire brot, sjå forslaget til § 20-4 første ledd
- å vidareføre at kommunen eller fylkeskommunen ikkje kan overlate til eit organ ved opplæringsstaden å gjere vedtak om at ein vaksen deltakar skal visast bort frå resten av kurset eller modulen, sjå forslaget til § 20-4 fjerde ledd
- å vidareføre i lova at ein deltakar ikkje kan visast bort dersom mindre inngrapande tiltak er tilstrekkelege, sjå forslaget til § 20-4 andre ledd
- å vidareføre forbodet mot ansiktsdekkjande plagg med nokre mindre endringar, sjå forslaget til § 27-2

## 43.24 Læringsmiljø for vaksne

### 43.24.1 Dagens reglar

Opplæringslova kapittel 9 A om skolemiljø gjeld ikkje for opplæringa for vaksne. I Utdanningsdirektoratets rundskriv, Udir 3-2012 punkt 3.4, er det presisert at kommunen likevel har eit ansvar for dei fysiske og psykososiale miljøa til dei vaksne deltakarane, mellom anna med tilvising til formålsparagrafen i opplæringslova og diskriminerings- og tilgjengelighetslova (no erstatta av likestillings- og diskrimineringslova).

### 43.24.2 Høyningsforslaget

Departementet foreslo

- å innføre ei plikt for kommunane og fylkeskommunane til å arbeide kontinuerleg for at deltakarane har eit trygt og godt læringsmiljø
- å innføre krav om at opplæringa skal leggjast opp på ein måte som gir moglegheit for kontakt og kommunikasjon mellom deltakarane
- å fastsetje at deltakarane ikkje skal utsetjast for krenking, og at alle som arbeider i opplæringa, om mogleg, skal gripe inn dersom ein deltakar blir utsett for krenkingar
- å lovfeste krav om eigna lokale

Forslaget om eigna lokale var ei oppfølging av opplæringslovutvalets forslag i NOU 2019: 23, kapittel 45. Elles var forslaget nytt samanlikna med utvalets forslag.

### 43.24.3 Høyningsinstansanes syn

Det er om lag 15 høyningsinstansar som har uttalt seg om forslaget om psykososialt læringsmiljø og eigna lokale, og alle støttar forslaget heilt eller delvis. *Utdanningsforbundet* og fleire kommunar og fylkeskommunar er blant dei som støttar forslaget.

*KS* er oppteke av at også vaksne skal ha eit trygt og godt læringsmiljø, men har enkelte kommentarar til forslaget til ny paragraf. *KS* meiner det siktat klart til kapittel 12 i lovforstaget, og at det dermed blir uklart om ein innfører delar av aktivitetsplikta i høyningsforslaget § 12-4 (gjeldande § 9 A-4). *KS* føreset at kravet til læringsmiljøet også vil gjelde dersom kommunen og fylkeskommunen nyttar andre rettssubjekt til å gi vaksenopplæring, og at kommunen og fylkeskommunen må ha rutinar og prosedyrar for korleis dette skal følgjast opp overfor andre rettssubjekt.

*Statsforvaltaren i Agder* støttar at læringsmiljøet for vaksne deltakarar blir regulert, men meiner den foreslalte paragrafen bør utfyllast tilsvarende prinsippa som er nedfelt for elevar og reglane om psykososialt barnehagemiljø i barnehagelova. *Statsforvaltaren i Oslo og Viken* støttar at det ikkje blir innført ei tilsvarende aktivitetsplikt og handhevingsordning som for barn og unge.

### 43.24.4 Departementets vurdering

I høyringa av NOU 2019: 23 var det fleire høyningsinstansar som bad om tydelegare krav om psykososialt miljø i opplæringa for vaksne og viste til reglane i kapittel 9 A, reglane om barnehage-

miljø og reglane i arbeidsmiljølova. Departementet foreslo derfor i høyringa å lovfeste krav til det psykososiale læringsmiljøet.

Departementet registrerer at det er ulike synspunkt på forslaget, då enkelte høyringsinstansar meiner forslaget går for langt, medan andre meiner det ikkje går langt nok. Departementet meiner forslaget er eigna til å gjere tydeleg ansvaret kommunen og fylkeskommunen har for det psykososiale miljøet, utan at det inneber for detaljerte reglar. Departementet foreslår ei overordna plikt for kommunen og fylkeskommunen til å arbeide kontinuerleg for at alle deltararane skal ha eit trygt og godt læringsmiljø. Vidare foreslår departementet å innføre ei plikt for dei tilsette til å gripe inn mot krenkingar. Elles er det opp til kommunen og fylkeskommunen å finne fram til korleis dei skal sikre at deltararane får eit trygt og godt læringsmiljø. Departementet foreslår ikkje å ta inn i lova at opplæringa skal leggjast opp på ein måte som gir moglegheit for kontakt og kommunikasjon mellom deltararane, men understrekar at dette er eit element i eit trygt og godt læringsmiljø.

Forslaget inneber ikkje at aktivitetsplikta og handhevingsordninga som gjeld for skolemiljøet til barn og unge, skal gjelde i opplæringa for vaksne.

Departementet foreslår at uttrykket «krenkjande oppførsel» blir brukt i lova slik om for barn og unge, og ikkje «utilbørleg oppførsel» slik som i arbeidsmiljølova og forslaget i høyringa. Departementet reknar uttrykka for å bety det same og legg vekt på å ha ein einskapleg omgrepss bruk i lova.

Departementet meiner det ikkje er grunn til å innføre ei tilsvarande aktivitetsplikt og handhevingsordning som for barn og unge. Departementet går ut frå at mobbing og andre former for krenkingar i mindre grad finst blant vaksne, og at vaksne uansett i større grad enn barn og unge kan vareta eigne interesser og be om hjelp frå opplæringsstaden, kommunen eller fylkeskommunen ved behov.

Kravet til læringsmiljøet vil i likhet med dei øvrige krava i lova også vil gjelde dersom kommunen og fylkeskommunen nyttar andre rettssubjekt til å gi opplæringa (sjå punkt 43.22). Kommunen og fylkeskommunen må ha rutinar for korleis dette skal følgjast opp overfor andre rettssubjekt.

Departementet foreslår ikkje å lovfeste at lokale som blir nytta til grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne, må vere eigna. Departementet meiner det er opebart at

lokal må vere egna for at kommunen og fylkeskommunen kan oppfylle plikta til å gi opplæring. Departementet har komme til at det ikkje er nødvendig at dette står i lova. Sjå også vurderinga i punkt 33.9.4.

Departementet reknar at krav til det fysiske miljøet er vareteke gjennom reglane i forskrift om miljøretta helsevern, likestillings- og diskrimineringslova og forslaget om individuell tilrettelegging av opplæringa (sjå punkt 43.16). Departementet foreslår derfor ingen reglar i opplæringslova om det fysiske miljøet for vaksne.

#### **43.24.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å innføre ei plikt for kommunane og fylkeskommunane til å arbeide kontinuerleg for at deltararane har eit trygt og godt læringsmiljø, sjå forslaget til § 20-2 første ledd
- å fastsetje at deltararane ikkje skal utsettast for krenkingar, og at alle som arbeider i opplæringa, om mogleg, skal gripe inn når ein deltarar blir utsett for krenkingar, sjå forslaget til § 20-2 andre ledd

#### **43.25 Medverknad**

##### **43.25.1 Dagens reglar**

Det følgjer av opplæringslova § 4A-4 fjerde ledd at kommunen og fylkeskommunen skal leggje til rette for at vaksne som får grunnskoleopplæring eller vidaregåande opplæring, får høve til å ta aktivt del i arbeidet med å fremje eit godt læringsmiljø og utdanningstilbod.

##### **43.25.2 Høyringsforslaget**

Departementet foreslo

- å lovfeste retten til medverknad for vaksne deltararar noko tydelegare og meir generelt enn i dag
- at det blir fastsett i lova at deltararar har rett til å ytre seg fritt i spørsmål som gjeld dei sjølv, og at deltararane skal bli høyrde og synspunkta deira vektlagde

Forslaget var ei oppfølging av opplæringslovutvallets forslag i NOU 2019: 23 kapittel 45, men departementets forslag om medverknad var noko meir generelt utforma og retten til å ytre seg var foreslått lovfesta i tillegg.

### 43.25.3 Høyringsinstansanes syn

Det er under ti høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget om medverknad. Alle støttar det heilt eller delvis. *Fredrikstad kommune* ønskjer ei tydeleggjering av kva form medverknaden skal ha, og at paragrafen bør harmoniserast med reglane om medverknad for barn og unge. Kommunen meiner vaksne deltakarar bør få høve til å delta i arbeidet med kvalitetsutvikling i opplæringa og fastsetjinga av skoleregler. *Faglig råd for elektro og datateknologi* føreset at reglane om medverknad og skolemiljø osv. gjeld for opplæring i skole og ikkje i bedrift.

### 43.25.4 Departementets vurdering

Departementet foreslår å lovfeste retten til medverknad for vaksne deltakarar noko tydelegare og meir generelt enn i dag. At deltakarane får medverke, er sentralt for å kunne få til eit opplæringstilbod som er motiverande for deltakarane og tilpassa behova deira, og for å oppnå eit godt læringsmiljø. Departementet foreslår også å fastsetje i lova at deltakarane har rett til å ytre seg fritt i spørsmål som gjeld dei sjølve, og at deltakarane skal bli høyrde og synspunkta deira vektlagde, sjå forslaget til § 20-1 første og andre punktum.

Departementet foreslår å lovfeste ein rett til medverknad i alt som gjeld deltakaren sjølv etter opplæringslova. Dette omfatter mellom anna opplæringa, læringsmiljøet og andre saker som gjeld deltakarane sjølve eller opplæringssituasjonen deira. Det er kommunane og fylkeskommunen som har ansvar å legge til rette for medverknad i spørsmål som gjeld deltakarane, jf. §§ 28-1 og 28-2. Lokale ordensreglar, sjå omtale i punkt 43.23, gjeld deltakarane, og deltakarane bør dermed mellom anna få medverke i utarbeiding og vurdering av slike reglar.

Departementet ser ikkje at det er behov får å innføre reglar om forma for medverknad, slik som for barn og unge. Vaksne har betre føresetnader for å vareta eigne interesser, og det er grunn til å tru at deltakarane og opplæringsstadene saman kan finne fram til eigna former for medverknad. Det er dessutan større fleksibilitet i korleis opplæringa for vaksne kan organiserast, noko som kan ha noko å seie for kva form for medverknad som er mest tenleg. Departementet understrekar at deltakarane har rett til å opprette tillitsvaldsordningar tilsvarende elevråd. Dette følgjer av den alminnelege organisasjonsfridommen i Grunnlova § 101.

Reglane om medverknad gjeld ikkje for opplæring i bedrift. For opplæring i lærebodrifter gjeld imidlertid reglane i arbeidsmiljølova.

### 43.25.5 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å lovfeste retten til medverknad for deltakarar i opplæringa for vaksne noko tydelegare og meir generelt enn i dag, sjå forslaget til § 20-1 første punktum
- at det blir fastsett i lova at deltakarar i opplæringa for vaksne har rett til å ytre seg fritt i spørsmål som gjeld dei sjølve, og at deltakarane skal bli høyrde og synspunkta deira vektlagde, sjå forslaget til § 20-1 første og andre punktum

## 43.26 Krav om aktiv deltaking og tilgang til å gi permisjon

### 43.26.1 Dagens reglar

I opplæringslova §§ 2-3 og 3-4 er det krav om at barn og unge skal vere aktivt med i opplæringa. Det er ikkje eit tilsvarende krav for deltakarar i grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne.

### 43.26.2 Høyringsforslaget

Departementet foreslo

- å innføre eit krav om at deltakarar i opplæringa for vaksne skal møte opp til og vere aktivt med i opplæringa
- å fastsetje at kommunen og fylkeskommunen kan innvilge fri og permisjon frå opplæringa for vaksne.

Forslaget om plikt til å møte opp til og vere aktiv med i opplæringa var ei oppfølging av opplæringslovutvalets forslag i NOU 2019: 23, kapittel 45. Forslaget om permisjon var nytt i høyringa frå departementet, og vart foreslått på bakgrunn av høyringa av NOU 2019: 23.

### 43.26.3 Høyringsinstansanes syn

Det er i underkant av 15 høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaga om aktiv deltaking og permisjon.

Høyringsinstansane støttar i all hovudsak at det blir innført eit krav om at vaksne deltakarar må delta aktivt i opplæringa. *Interesseorganisasjonen for kommunal voksenopplæring (IKVO)* mei-

ner den foreslalte formuleringa er for vag, og spør kva det betyr å delta aktivt. *Kristiansand kommune* støttar forslaget, men etterspør eit regelverk som i større grad forpliktar deltakarane. *Statsforvaltaren i Agder og Skien kommune* støttar forslaget om å ikkje innføre ei fråværsgrense for vaksne. *IKVO* og *Introduksjonssenter nord Asker* meiner derimot at det bør innførast ei fråværsgrensem.

Enkelte har også kommentert forslaget om at kommunen og fylkeskommunen kan gi løyve til fri og permisjon frå opplæringa. *Viken fylkeskommune* meiner det ikkje er rom for fri og permisjonar frå opplæringa slik opplæringa blir organisert. Fylkeskommunen viser til at kandidatane har tolv månaders opplæring, at skolane planlegg for dette, og at deltakarane må slutte på opplæringa og søkje på nytt seinare dersom dei til dømes skal i svangerskapspermisjon. *Skien kommune* stiller seg også undrande til formålet med å innføre permisjonar i samband med fødslar o.l. Kommunen viser til at dersom ein deltakar er mykje borte frå undervisninga, så kan det gå utover grunnlaget for å setje karakter i faget. Vidare viser kommunen til at deltakarane ikkje mistar nokon rettar ved å ta ein lengre pause frå eller avslutta kurset før teken eksamen. Dersom det skal innførast ein rett til permisjon, meiner *Skien kommune* at det berre bør vere i samband med fødslar eller langvarig, mellombels fråvær av omsyn til Lånekassen.

#### 43.26.4 Departementets vurdering

Fleire kommunar opplever at ein del deltakarar i grunnskoleopplæringa for vaksne har andre motiv enn å få vitnemål (sjå NOU 2019: 23, kapittel 45.3.3). Dette er øydeleggjande for dei andre deltakarane og lite tenleg bruk av ressursane i det offentlege. Kommunane viser også til at det etter integreringslova er reaksjonar ved fråvær ved at deltakaren mistar rett til stønad ved fråvær som ikkje kjem av sjukdom, osv.

Departementet meiner det bør innførast eit krav om at vaksne deltakarar skal møte opp til og vere aktivt med i opplæringa. Ein mogleg reaksjon dersom plikta ikkje blir overhalden, kan vere bortvising frå resten av kurset, modulen e.l. som den vaksne er teken inn på, føresett at dette er fastsett i dei lokale ordensreglane (sjå punkt 43.23). Departementet har forståing for at kravet blir opplevd som lite konkret, men meiner det ikkje er tenleg å fastsetje detaljerte reglar om oppmøte og deltaking i lova. Om kravet er oppfylt, vil vere ei skjønnsmessig vurdering som bør gjenomførast på kvar enkelt opplæringsstad. Det skal

ikkje vere ein høg terskel for å oppfylle kravet om å delta aktivt. Formålet er at den vaksne må vere til stades for å få opplæring og sjølv bidra for å tileigna seg kunnskap. I dei lokale reglane kan det eventuelt fastsetjast meir konkrete reglar om til dømes forseintkomming og manglande innlevereingar dersom dette er ønskjeleg. Reglane må vere rimelege, og reaksjonane må vere forholdsmessige.

Departementet foreslår ikkje å innføre ei fråværsgrensem i opplæringa for vaksne. I opplæringa for vaksne er det ikkje timetalskrav og heller ikkje faste opplæringseiningar. Ei fråværsgrensem vil ikkje fungere utan at departementet samtidig gjer opplæringa for vaksne mindre fleksibel, noko som ikkje er ønskjeleg.

Departementet foreslår at det blir fastsett i lova at kommunen og fylkeskommunen kan innvilge permisjon frå opplæringa. Departementet legg til grunn at kommunane og fylkeskommunen kan innvilge permisjon i dag og, men meiner at dette bør komme fram eksplisitt i lova når det no blir foreslått å lovfeste eit krav om oppmøte. Forslaget inneber ingen rett til permisjon for deltakarane, og det er opp til kommunen og fylkeskommunen å bestemme kva som skal gi grunnlag for permisjon.

Departementet ser at det ikkje vil fungere å gi deltakarar lange permisjonar frå opplæringa, og at deltakaren i slike tilfelle heller må avslutte og byrje på nytt seinare. Formålet med forslaget var heller ikkje å regulere dette, men å gjere tydeleg at kommunen og fylkeskommunen *kan* innvilge permisjon slik at den vaksne kan ha fråvær utan at det er eit brot på kravet om oppmøte. Dette kan vere aktuelt ved korte fråvær. Departementet understrekar at lovforslaget uansett ikkje gir ein rett til permisjon, og at det er opp til kommunen og fylkeskommunen kor lang permisjon som kan innvilgast, før deltakaren må avslutta kurset og heller ta opp att opplæringa seinare.

Reglar om kva som gir grunnlag for permisjon, bør nedfellast i dei lokale ordensreglane (sjå punkt 43.23) for å sikre lik praktisering av reglane og føreseielege vilkår både for lærarar og deltakarar.

For deltakarar som får grunnskoleopplæring eller vidaregåande opplæring som ein del av introduksjonsprogrammet, gjeld også reglane om permisjon og fråvær i forskrift til integreringslova.

#### 43.26.5 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å innføre krav om at vaksne deltakarar må delta aktivt i opplæringa, sjå forslaget til § 18-11 første ledd
- å fastsetje at kommunen og fylkeskommunen kan innvilge permisjon frå opplæringa, sjå forslaget til § 18-11 andre ledd.

## 43.27 Rådgiving for vaksne

### 43.27.1 Dagens reglar

Opplæringslova inneholder ikkje reglar om rådgiving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval eller om sosiale spørsmål for deltakarar i opplæringa for vaksne, slik som for barn og unge. I opplæringslova § 13-3f er det eit generelt krav til fylkeskommunen om å ha tilbod om karriererettleiing til dei som er busette i fylket. Slike tilbod kan omfatte vaksne med rett til opplæring, men regelen er ikkje spesifikt retta mot dei. Vaksne med rett til grunnskoleopplæring har i dag rett til rådgiving for å kartlegge kva tilbod dei treng, jf. § 4A-8.

### 43.27.2 Høyringsforslaget

Departementet foreslo

- å innføre plikt for kommunen og fylkeskommunen til å ha tilbod om rådgiving om utdannings- og yrkesval i grunnskoleopplæring og vidaregående opplæring for vaksne
- å oppheve § 4A-8 om rådgiving for å kartlegge kva tilbod deltakarar i grunnskoleopplæring for vaksne treng
- å gi heimel for å kunne gi nærmere reglar om rådgiving i forskrift

Forslaget var nytt samanlikna med opplæringslovutvalets forslag i NOU 2019: 23, kapittel 45.

### 43.27.3 Høyringsinstansanes syn

Det er i underkant av 20 høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget om rådgiving, og dei aller fleste uttaler at dei støttar forslaget heilt eller delvis. *Arbeids- og velferdsdirektoratet, Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir), Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi)*, fleire kommunar og fylkeskommunar og LO er blant dei som støttar forslaget. *Oslo kommune* er blant dei som støttar forslaget, men peikar også på at det må sikrast tilstrekkeleg med statlege midlar for å kunne innfri dette utvida tilbodet for gruppa. *HK-dir* støttar også forslaget og støttar vurderinga til

departementet av at ei slik plikt vil medføre auka kostnader for fylkeskommunen.

*Oslo kommune* meiner det bør gjerast tydeleg i forskrift kva som ligg i rådgiving om utdannings- og yrkesval, og grenseflata mot rådgiving som skal tilbydast frå NAV og andre aktørar. *Utdanningsdirektoratet* viser derimot til at det ikkje er foreslått tilsvarende forskriftsheimel for rådgiving til elevar, og direktoratet kan ikkje sjå kvifor det skal fastsetjast forskriftsreglar for dette berre for vaksne.

*Utdanningsforbundet* meiner forslaget ikkje går langt nok, og meiner at vaksne bør få rett til eit rådgivingstilbod som er stadsbasert og individuelt, på lik linje med rettane til barn og unge. Dette meiner også *Møre og Romsdal fylkeskommune*. *Utdanningsforbundet* meiner dei etablerte fylkesvise karrieresentera kan vere eit godt supplement, men at dei ikkje kan erstatta eit stadsbasert nært rådgivingstilbod for vaksne. *Utdanningsforbundet* meiner dessutan at dei vaksne også bør få rett til sosialrådgiving, og viser til at deltakarane i vaksenoplæringa kan ha manglende skolegang, psykologiske lidingar etter år på flukt frå krig og vald og negative erfaringar frå tidlegare skolegang.

### 43.27.4 Departementets vurdering

Mangel på informasjon om utdanningstilbod og jobbmøglegheiter kan føre til at vaksne vel feil. Dette er uheldig både for den enkelte og for samfunnet. Ettersom ein stor del av deltakarane i opplæringa for vaksne er minoritetsspråklege, er det særleg viktig med rådgiving om utdannings- og yrkesval. Innspela til NOU 2019: 23 viser at dei fylkesvise karrieresentera, jf. punkt 46, ikkje har kapasitet til å dekkje dette behovet. Det er heller ikkje krav om at dei fylkesvise karrieresentera rettar tilboden særskilt mot deltakarar i grunnskoleopplæring og vidaregående opplæring for vaksne.

Departementet foreslår å innføre ei plikt for kommunen og fylkeskommunen til å sørge for rådgiving om utdannings- og yrkesval i førebuande opplæring og vidaregående opplæring for vaksne. Departementet har forståing for ønsket om at vaksne skal ha rett til eit rådgivingstilbod som er stadsbasert og individuelt. Samtidig er det eit prioriteringsspørsmål, og det er ikkje urimeleg at det blir prioritert meir ressurskrevjande krav om rådgiving for barn og unge, då vaksne som regel vil ha betre føresetnader for å kunne nyttiggjere seg av eit rådgivingstilbod, inkludert digital rådgiving. Kommunane og fylkeskommunane kan etter forslaget vurdere om og i kva grad dei vil ha eit tilbod på kvar opplæringsstad, eller om dei vil

samarbeide med andre opplæringsstader eller med fylkesvise karrieresenter.

I førebuande opplæring for vaksne kjem plikta til å sørge for rådgiving om utdannings- og yrkesval til erstatning for dagens § 4A-8 om rett til rådgiving for å kartlegge kva tilbod den vaksne treng. Plikta til å sørge for rådgiving om utdannings- og yrkesval er noko vidare enn ei kartlegging av kva tilbod den vaksne treng. Samtidig vil råd om kva fag ein person treng for å kunne fullføre førebuande opplæring for vaksne, vere det mest sentrale i rådgivinga for deltakarar i slik opplæring. I vidaregåande opplæring for vaksne er det ikkje reglar om rådgiving i dag, og forslaget vil innebere ei ny plikt for fylkeskommunen.

Ettersom forslaget er meint å vere ei overordna plikt for kommunen og fylkeskommunen, vil det vere lite aktuelt med nærmere reglar i forskrift. Departementet foreslår derfor ikkje ein forskriftsheimel. Departementet viser til at det ikkje er foreslått ein slik forskriftsheimel for rådgiving til barn og unge. Departementet vil vurdere om dei forholda som *Oslo kommune* peikar på, bør gjerast tydelege i rettleiing.

Departementet foreslår at plikta blir avgrensa til rådgiving om utdannings- og yrkesval. Departementet meiner annan rådgiving, til dømes om sosiale forhold, må dekkjast på annan måte, til dømes gjennom NAV eller kommunal flyktningteneste, for deltakarar med innvandrarbakgrunn og kort butid i landet.

### **43.27.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å innføre plikt for kommunen og fylkeskommunen til å ha tilbod om rådgiving om utdannings- og yrkesval i grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne, sjå forslaget til § 19-12
- å ikkje vidareføre dagens § 4A-8 om rett til rådgiving for å kartlegge kva tilbod deltakarar i grunnskoleopplæring for vaksne treng

## **43.28 Skyss, reisefølgje og tilsyn**

### **43.28.1 Dagens reglar**

Opplæringslova § 4A-7 inneheld reglar om skyss, losji, reisefølgje og tilsyn for dei som får grunnskoleopplæring for vaksne. Deltakarar som ikkje har fullført grunnskoleopplæring, og som får slik opplæring etter kapittel 4A, har rett til gratis skyss når dei bur meir enn fire kilometer frå skolen. Deltakarar som på grunn av funksjonsnedsetjing,

sjukdom eller skade har behov for skyss, har rett til gratis skyss uavhengig av reiselengda. Paragrafen om reisefølgje og tilsyn i opplæringslova § 7-4 gjeld tilsvarende for deltakarar i opplæringa for vaksne.

Når dagleg skyss ikkje er forsvarleg, skal kommunen innlosjere deltakarar i grunnskoleopplæring for vaksne. Når det er nødvendig, gjeld § 7-1 fjerde ledd om tilsyn tilsvarende. Ansvarsregelen om tilsyn i § 13-4 gjeld også tilsvarende for dei pliktene som følgjer av § 4A-7.

### **43.28.2 Høyningsforslaget**

Departementet foreslo

- å utvide retten til skyss slik at han omfattar alle som har rett til grunnskoleopplæring for vaksne, men endre avstandsgrensa frå fire til seks kilometer
- å vidareføre at avstandsgrensa ikkje gjeld for dei som treng skyss på grunn av nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom
- å klargjere forholdet mellom retten til skyss og retten til losji, og dessutan rekkjevidda av retten til skyss, ved forslag til forsvarlegkrav og moment for dette
- å vidareføre reglane om reisefølgje og tilsyn og ta inn i lova at reglane berre skal gjelde for deltakarar i grunnskoleopplæring for vaksne der som deltakarane på grunn av nedsett funksjonsevne ikkje klarer seg aleine
- å lovfeste rett til losji i grunnskoleopplæringa for vaksne dersom dagleg skyss ikkje er forsvarleg
- å vidareføre kravet om at kommunen om nødvendig skal ha tilsyn med deltakarar i grunnskoleopplæringa for vaksne som er innlosjerte
- å innføre rett til skyss for dei mellom 19 og 25 år som vel vidaregåande opplæring for vaksne

Forslaget om å endre avstandsgrensa for retten til skyss og forslaget om å klargjere forholdet mellom retten til skyss og retten til losji var nytt i departementets forslag. Forslaget var elles ei oppfølging av opplæringslovutvalets forslag i NOU 2019: 23, kapittel 45.

### **43.28.3 Høyningsinstansanes syn**

Det er om lag 15 høyningsinstansar som har uttalt seg om forslaga om skyss i opplæringa for vaksne. Alle som har uttalt seg om det, støttar forslaget om å vidareføre retten til skyss i grunnskoleopplæringa for vaksne.

Eit fleirtal av dei som har uttalt seg om det, er imot å endre avstandsgrensa for rett til skyss i grunnskoleopplæring for vaksne frå fire til seks kilometer. *Voksenopplæringen i Møre og Romsdal, Bergen kommune, Utdanningsforbundet ved voksenopplæringa i Bærum kommune, Interesseorganisasjonen for kommunal voksenopplæring (IKVO) og UDF-klubben på Ås læringsenter* er blant dei som er imot forslaga. Argumenta imot forslaget er at seks kilometer er for langt, då ein stor del av dei vaksne deltakarane skal følgje barn til barnehage, skole eller skolefritidsordning, at dei har därleg helse, og at dei svært sjeldan har bil. I tillegg nemner fleire at skyss vil medføre store utgifter, og at mange av deltakarane i voksenopplæringa har låg inntekt, og at ei avgrensing i retten til skyss i verste fall vil føre til at nokon må avslutte opplæringa. *Vestfold og Telemark fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune* støttar forslaget. *Statsforvaltaren i Innlandet* meiner det er tenleg med lik avstandsgrense for vaksne i grunnskoleopplæring som for elevar i vidaregående opplæring, men meiner det heller bør greiast ut om avstandsgrensa i vidaregåande opplæring kan senkast til fire kilometer.

Det er ingen høyningsinstansar som går imot forslaget om å innføre rett til gratis skyss for dei mellom 19 og 25 år som vel vidaregåande opplæring for vaksne, men *Vestfold og Telemark fylkeskommune* peikar på at gratis skyss til deltakarar i alderen 19 til 25 år kan medføra auka skysskostnader for fylkeskommunen dersom undervisninga blir organisert utanfor den vanlege opningstida til skolen, ettersom deltakarane ofte ikkje har førarkort. *Arbeids- og velferdsdirektoratet* meiner også andre deltakarar i vidaregåande opplæring for vaksne bør ha rett til gratis skyss, og viser til at vaksne kan ha større behov for dekning av skyssutgifter, då vaksne ofte har forsørgjaransvar og mykje høgare faste utgifter enn elevar. Direktoratet viser vidare til at manglande finansiering av utgifter til livsopphald er ein kjend barriere for at vaksne tek vidaregåande opplæring.

Det er få som kommenterer forslaga om reisefølgje, tilsyn og losji særskilt. Desse forslaga fekk støtte i høyringa av NOU 2019: 23.

#### 43.28.4 Departementets vurdering

##### 43.28.4.1 Skyss i førebuande opplæring for vaksne

I dagens § 4A-7 første ledd står det at vaksne som ikkje har fullført grunnskolen, og som bur meir enn fire kilometer frå skolen, har rett til gratis skyss når dei får grunnskoleopplæring etter kapittel 4A. Det kjem fram av Ot.prp. nr. 44 (1999–

2000) punkt 2.3 at det var meiningsa å vidareføre rettane til skyss for dei som var omfatta av den no oppheva § 5-2, som gjaldt vaksne som tidlegare har mangla eller fått eit mangefullt grunnskoletilbod, og vaksne som på grunn av sjukdom eller skade har behov for fornøy grunnskoleopplæring. Departementet meiner dagens ordlyd i § 4A-7 ikkje samsvarer med det som står i forarbeida, ettersom dagens ordlyd ikkje omfattar rett til skyss for dei som på grunn av sjukdom eller skade har rett til fornøy grunnskoleopplæring.

Departementet foreslår å utvide retten til skyss slik at han omfattar alle som har rett til førebuande opplæring for vaksne. Dette vil for det første omfatte dei som ikkje har fått grunnskoleopplæring, eller som har fått mangefull grunnskoleopplæring, som også har rett til skyss etter dagens paragraf. For det andre omfattar dette dei som på grunn av sjukdom eller skade treng fornøy opplæring. Dette er ei lovfesting av det som følger av forarbeida til dagens lov. I tillegg omfattar dette andre som har rett til førebuande opplæring for vaksne, som i hovudsak vil seie dei som treng fornøy opplæring i fag eller grunnleggjande ferdigheter som ikkje var del av læreplanen då dei fekk grunnskoleopplæring (sjå punkt 43.4). Dette vil i praksis vere snakk om opplæring i digitale ferdigheter, og det er liten grunn til å tru at dette vil vere noka stor utviding i retten til skyss. Det er heller ingen høyningsinstansar som har innvendingar mot dette forslaget.

Departementet foreslår dessutan at retten til skyss skal gjelde for dei som får førebuande opplæring for vaksne, men som ikkje har rett til slik opplæring (sjå punkt 43.4). Dette inneber mellom anna at ungdommar som har fullført grunnskoleopplæringa, men som får tilbod om meir grunnskoleopplæring etter forslaget § 9-7, skal ha rett til skyss. Det er frivillig å opprette slike tilbod, men dersom ungdommar får tilbod om meir grunnskoleopplæring, skal dei også få rett til skyss på same vilkår som dei som har rett til førebuande opplæring for vaksne.

Departementet foreslår å vidareføre avstandsgrensa på fire kilometer for rett til skyss i førebuande opplæringa for vaksne. Departementet meiner særleg omsynet til at vaksne ofte har forsørgjaransvar, tilseier at grensa på fire kilometer bør behaldast sjølv om avstandsgrensa for rett til skyss for ungdom i vidaregåande opplæring er seks kilometer. Det er også relevant at dei som deltek i førebuande opplæring for vaksne, gjerne ikkje har ein veldig robust økonomi, og at innstrammingar i retten til skyss kan gjere at enkelte

ikkje kan nytte seg av retten til førebuande opplæring.

Departementet foreslår at reglane om rett til skyss uavhengig av avstandsgrensa på grunn av nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom blir vidareført.

Departementet foreslår å klargjere rekkjevidda av retten til skyss og forholdet mellom retten til skyss og retten til losji. Forslaget går ut på å presisere at retten til skyss berre gjeld så framdagleg skyss er forsvarleg. Vidare blir det presisert at det er fylkeskommunane som har mynde til å gjøre vedtak i avgjørda av om dagleg skyss er forsvarleg, ettersom det er fylkeskommunane som i hovudsak vil vere ansvarlege for skyssvedtaka. I tillegg blir det teke inn moment som skal og kan vektleggjast i forsvarlegvurderinga. Sjå elles vurdering av tilsvarande reglar knytt til skyss for barn og unge i punkt 37.5.5 og 37.5.7.

#### *43.28.4.2 Reisefølgje og tilsyn i førebuande opplæring for vaksne*

I dagens § 4A-7 andre ledd andre punktum står det at § 7-4 gjeld tilsvarande. I § 7-4 står det at elevere har rett til reisefølgje og tilsyn før og etter undervisninga når det er nødvendig. Det er ikkje klart i lova eller forarbeida om retten til reisefølgje og tilsyn gjeld alle vaksne med rett til skyss eller berre vaksne som på grunn av nedsett funksjonsevne eller sjukdom har rett til skyss.

Departementet foreslår å vidareføre reglane, men presisere at reglane om reisefølgje og tilsyn berre skal gjelde for deltakarar i grunnskoleopplæring for vaksne som på grunn av nedsett funksjonsevne ikkje klarer seg aleine. Dette er den same terskelen som er lagd til grunn for plikta fylkeskommunen har til å ha tilsyn med elevar i vidaregåande skole i ventetida før og etter undervisningsstida.

#### *43.28.4.3 Losji i førebuande opplæring for vaksne*

Departementet foreslår å vidareføre reglane om at kommunen skal sørge for losji for deltakarar i grunnskoleopplæring for vaksne dersom dagleg skyss ikkje er forsvarleg, men lovfeste dette som ein rett til losji der dagleg skyss ikkje er forsvarleg. Departementet foreslår også å vidareføre at kommunen om nødvendig skal ha tilsyn med vaksne deltakarar som er innlosjerte.

#### *43.28.4.4 Skyss i vidaregåande opplæring for vaksne*

Departementet foreslår å innføre rett til skyss for dei mellom 19 og 24 år som vel vidaregåande opplæring for vaksne.

Departementet har forståing for innspelet frå *Arbeids- og velferdsdirektoratet* om at ein rett til gratis skyss for alle deltakarar i vidaregåande opplæring for vaksne kan bidra til at fleire tek slik opplæring. Samtidig vil dette føre til auka kostnader, og det er derfor eit spørsmål om prioritering. Departementet meiner det ikkje er urimeleg å prioritere skyss for barn og unge, og dessutan vaksne som treng grunnskoleopplæring, framfor vaksne som treng vidaregåande opplæring.

Departementet er ikkje samd i at rett til gratis skyss for dei mellom 19 og 24 medfører auka kostnader, då denne aldersgruppa vil ha rett til gratis skyss dersom dei vel vidaregåande opplæring for ungdom. Opplæringa for vaksne kan organiserast på ein annan måte enn for barn og unge (sjå punkt 43.22). Dersom opplæringa blir gitt på kveldstid, kan kostnadene til skyss bli noko høgare enn ved skyss på dagtid i form av skolebuss. Dersom opplæringa er komprimert eller blir delvis gitt som fjernundervisning, vil skysskostnadene derimot truleg bli lågare. Departementet kan ikkje sjå at kostnadene for skyss samla skal bli høgare ved at dei vel vidaregåande opplæring for vaksne. Departementet meiner det bør vere handterleg med ulike rettar når det gjeld skyss. Dette er uansett vedtak som må gjerast individuelt ut frå avstandsgrense og er ikkje knytt til organiseringa av opplæringa.

### **43.28.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å vidareføre retten til skyss for dei som bur meir enn fire kilometer frå opplæringsstaden, men slik at den gjeld alle deltakarar i førebuande opplæring for vaksne, sjå forslaget til § 21-1 første ledd
- å vidareføre at avstandsgrensa ikkje gjeld for dei som treng skyss i førebuande opplæring for vaksne på grunn av nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom, sjå forslaget til § 21-1 andre ledd
- å vidareføre rett til losji for deltakarar i førebuande opplæring for vaksne dersom dagleg skyss ikkje er forsvarleg, sjå forslaget § 21-3 tredje ledd
- å klargjere forholdet mellom retten til skyss og retten til losji, og dessutan rekkjevidda av ret-

ten til skyss, sjå forslaget til § 21-3 første til tredje ledd

- å vidareføre reglar om reisefølgje og tilsyn, men slik at reglane berre skal gjelde for delta-karar i førebuande opplæring for vaksne der som dei på grunn av nedsett funksjonsevne ikkje klarer seg aleine, sjå forslaget til § 21-2
- å vidareføre kravet om at kommunen om nødvendig skal ha tilsyn med deltakarar i førebuande opplæring for vaksne som er innlosjerte, sjå forslaget til § 21-3 fjerde ledd
- å innføre rett til skyss for dei mellom 19 og 24 år som vel vidaregåande opplæring for vaksne, sjå forslaget til § 21-1 tredje ledd

## 43.29 Kompetansekrav i opplæringa for vaksne

### 43.29.1 Dagens reglar

I opplæringslova § 4A-5 er det fastsett at tilsetningsreglane for undervisningspersonalet gjeld for opplæring særleg organisert for vaksne, men at departementet kan fastsetje i forskrift at det likevel kan tilsetjast personar utan formell pedagogisk kompetanse. I forskrift til opplæringslova § 14-1 var det tidlegare fastsett at det til opplæringa av vaksne kan tilsetjast personar utan formell pedagogisk kompetanse under føresetnad av at vedkommande har vesentleg erfaring med og er eigna til opplæring av vaksne. Dette unntaket vart oppheva i 2021. Det er no krav om pedagogisk og fagleg kompetanse tilsvarende det som gjeld for dei som skal tilsetjast i grunnopplæringa for barn og unge. Det er likevel ikkje fastsett konkrete krav om lærarutdanning eller tilsvarende slik det er for barnetrinnet, ungdomstrinnet og vidaregåande opplæring for ungdom i forskriftera §§ 14- til 14-4.

Det følgjer av opplæringslova § 4A-5 andre ledd at kompetansekrava for undervisningspersonalet ikkje gjeld for opplæring av vaksne med særlege behov for å kunne utvikle eller halde ved like grunnleggjande ferdigheter. Opplæringa skal etter lova likevel skje under fagleg og pedagogisk rettleiing og ansvar.

I opplæringslova er det reglar om val mellom søkjalar (§ 10-5), om mellombelse tilsetjingar (§ 10-6) og om tilsetjing på vilkår (§ 10-6 a). Det er i kapittel 4A ikkje vist til at desse reglane gjeld ved tilsetjingar i grunnopplæringa for vaksne.

Krava om å ha relevant kompetanse i undervisningsfaget i opplæringslova § 10-2 gjeld ikkje ved opplæring for vaksne.

### 43.29.2 Høyningsforslaget

Departementet forslø

- å vidareføre at tilsetningsreglane for undervisningspersonalet gjeld for opplæringa for vaksne
- å oppheve heimelen til å gjere unntak frå kravet til formell pedagogisk kompetanse for dei som skal tilsetjast i undervisningsstilling i opplæringa for vaksne
- å vidareføre unntaket frå krava når det gjeld dei som skal undervise i grunnleggjande ferdigheter
- å gjere tydeleg at reglane om val mellom søkerarar, om mellombelse tilsetjingar og om tilsetjing på vilkår gjeld for opplæringa for vaksne
- å innføre heimel til å fastsetje krav om relevant kompetanse i faga det skal undervisast i, og relevant kompetanse til å undervise i forsterka opplæring i norsk

Forslaget om å oppheve unntaket frå kravet til formell pedagogisk kompetanse var nytt samanlikna med forslaget til opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, men utvalet peika også på behovet for ei slik endring. Forslaget om tydeleggjering av kva reglar som gjeld, og forslaget om forskriftsheimel om kompetanse i undervisningsfaget og for å undervise i forsterka opplæring i norsk var også nytt i departementets høyring. Elles var forslaget ei oppfølging av NOU 2019: 23, kapittel 45.

### 43.29.3 Høyningsinstansanes syn

Det er om lag 20 høyningsinstansar som har uttalt seg om forslaget, og dei aller fleste støttar forslaget. *Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse* er blant dei som støttar forslaget, og viser til at forslaget vil sikre at dei same kompetansekrava blir stilt til lærarar som skal gi byrjaropplæring i norsk, uavhengig av om det er for deltakarar i vidaregåande opplæring, i grunnskoleopplæring eller i norskopplæringa etter integreringslova. *Integrerings- og mangfaldsdirektoratet* støttar også forslaget, men peikar på at det bør vere heimel i lova for å innføre krav om kompetanse i norsk som andrespråk for alle lærarar som gir førstegongsopplæring i norsk etter opplæringslova, og ikkje berre dei som underviser i vaksenopplæringa. *Interesseorganisasjonen for kommunal voksenopplæring* meiner det same og viser til at det i dag er stort behov for kompetanse i norsk som andrespråk for dei som underviser i vidaregåande opplæring.

*Røros kommune* støttar ikkje forslaget og meiner det vil redusere handlingsrommet arbeidsgivaren har, dersom dagens høve til å unntaksvis tilsetje personell utan formell pedagogisk kompetanse ikkje blir vidareført.

#### **43.29.4 Departementets vurdering**

Departementet foreslår å vidareføre utgangspunktet om at kompetansekrava for tilsetjing i lærarstilling gjeld for opplæring for vaksne.

Departementet foreslår å vidareføre unntaket frå krava når det gjeld dei som skal undervise i grunnleggjande ferdigheiter etter forslaget § 19-6.

Departementet foreslår å ikkje vidareføre ein heimel til å gjere unntak frå kompetansekravet for dei som skal tilsetjast i lærarstilling i grunnopplæringa for vaksne. Departementet viser til at dette unntaket no er oppheva i forskrifa, og at det ikkje lenger er behov for ein slik heimel.

Sjølv om det no ikkje er unntak frå kravet om pedagogisk kompetanse for å tilsetjast i grunnopplæringa for vaksne, er det ikkje fastsett konkrete krav til nødvendig kompetanse tilsvarande det som gjeld i grunnopplæringa for barn og unge, jf. dagens forskrift til opplæringslova §§ 14-2 til 14-4. Om det skal stillast slike krav, og den nærmere utforminga av krava vil vurderast i samband med arbeidet med forskrift til opplæringslova. Som påpeika i punkt 2.2 innleigingsvis i proposisjonen vil departementet også setje i gang eit arbeid med å vurdere om det bør gjerast endringar i reglane for tilsetjing i lærarstilling i skolen.

I dagens lov kommer det ikkje klart fram at reglane om val mellom søkjrarar, mellombelse tilsetjingar og tilsetjing på vilkår gjeld for opplæringa for vaksne. Det er likevel naturleg å forstå det slik at desse reglane gjeld ettersom dei knyter seg til kompetansekrav ved tilsetjingar, som gjeld for vaksenopplæringa. Departementet foreslår at det blir gjort tydeleg i ny opplæringslov at desse reglane gjeld, ved å vise til dei aktuelle paragrafane i fellesdelen for grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for barn og unge. Sjå omtale og vurdering av desse reglane i punkt 50.

I høyringa av NOU 2019: 23 var det fleire som peika på behovet for krav om kompetanse i undervisningsfaget for dei som underviser i grunnopplæringa for vaksne. Etter forskrift til integreringslova skal dei som underviser i norsk etter integreringslova, oppfylle krava for tilsetting i undervisningsstilling i forskrift til opplæringslova og ha 30 studiepoeng i norsk som andrespråk. I høyringa av denne forskrifta var det fleire høyringsinstansar som spelte inn at det bør fastsetjast tilsva-

rande krav for dei som skal undervise i grunnopplæringa for vaksne.

I dag er krav om relevant kompetanse i undervisningsfag regulert i opplæringslova § 10-2 med konkrete kompetansekrav fastsette i forskrift. Denne paragrafen gjeld i dag ikkje for grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne. Departementet meiner det kan vere grunnar til å stille krav om kompetanse i undervisningsfaget i vaksenopplæringa, og at lova i alle fall bør opne for dette. Departementet foreslår derfor at kravet om relevant kompetanse i undervisningsfag, som er foreslått vidareført i forslaget § 17-4, også skal gjelde for opplæringa for vaksne. Dermed vil det bli heimel til å fastsetje krav om relevant kompetanse i undervisningsfag i vaksenopplæringa i forskrift. Om det skal fastsetjast konkrete kompetansekrav i forskrift og eventuelt i kva fag, vil bli vurdert i samband med arbeidet med forskrift til opplæringslova.

Departementet ser at det kan vere aktuelt å vurdere om det bør innførast krav om kompetanse i norsk som andrespråk for lærarar som gir opplæring i forsterka opplæring i norsk. Departementet foreslår ein heimel for dette i lova. Departementet har forståing for at det kan vere nyttig med eit slikt krav også for dei som underviser i grunnskolen og vidaregåande opplæring for barn og unge. Departementet meiner likevel at behovet særleg gjer seg gjeldande i vaksenopplæringa der ein svært stor del av deltakarane er minoritetsspråklege. Dessutan er førebuande opplæring for vaksne og opplæring etter integreringslova gjerne felles tilbod med dei same lærarane, og det kan dermed vere ein fordel med like krav. Departementet vil komme tilbake til dette ved behov.

#### **43.29.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å vidareføre at kompetansekrava for tilsetjing i lærarstilling gjeld for opplæringa for vaksne og gjere tydeleg at reglane i § 17-5 om val mellom søkjrarar, § 17-3 andre ledd om mellombelse tilsetjingar og om tilsetjing på vilkår også gjeld for opplæringa for vaksne, sjå forslaget til § 19-13 første ledd
- å vidareføre unntaket frå krava om kompetanse når det gjeld dei som skal undervise i grunnleggjande ferdigheiter, sjå forslaget til § 19-13 andre ledd
- å innføre heimel til å fastsetje krav i forskrift om relevant kompetanse i fag og relevant kompetanse til å undervise i forsterka opplæring i norsk, sjå forslaget til § 19-13 tredje ledd.

## 43.30 Krav om politiattest for tilsette i opplæringa for vaksne

### 43.30.1 Dagens reglar

I opplæringslova § 10-9 er det krav om politiattest for dei som skal tilsettast i grunnskoleopplæring og vidaregående opplæring for barn og unge. Vidare er det forbod mot tilsetjing for personar som er dømde for visse lovbroter, medan det elles må vurderast konkret kva konsekvensen skal vere. Sjå nærmere omtale av reglane i punkt 52. Det er ikkje krav om politiattest og forbod mot tilsetjing for dei som skal tilsettast i grunnskoleopplæring og vidaregående opplæring for vaksne.

### 43.30.2 Høyningsforslaget

Departementet foreslo i høyringa å innføre krav om politiattest og tilhøyrande forbod mot tilsetjing for tilsette i grunnskoleopplæringa for vaksne som for barn og unge.

Med dette høyningsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 45, men utvalet foreslo også eit krav om politiattest ved tilsetjing i vidaregående opplæring for vaksne.

### 43.30.3 Høyningsinstansanes syn

Dei få som har uttalt seg om det, støttar forslaget. *Oslo kommune, Time kommune, Stjørdal voksenopplæring og Nettverk for kommunal voksenopplæring i Møre og Romsdal* er blant dei som støttar at det blir innført krav til politiattest i grunnskoleopplæringa for vaksne. *Oslo kommune* meiner kravet til politiattest bør innførast for både grunnskoleopplæring og vidaregående opplæring for vaksne, då også deltakarar som er 18 år eller eldre kan vere sårbar. Innspel til sjølve utforminga av kravet til politiattest blir omtalte i samband med tilsvarande forslag for grunnopplæringa for barn og unge (sjå punkt 52).

### 43.30.4 Departementets vurdering

Departementet foreslår å innføre krav om politiattest og tilhøyrande forbod mot tilsetjing knytta til enkelte merknadar på politiattesten i den førebuande opplæringa for vaksne. Ein del av deltakarane i grunnskoleopplæringa for vaksne er sårbar på grunn av funksjonshemmning eller traume. Om lag ein firedel av dei i grunnskoleopplæringa for vaksne får opplæring i å utvikle og halde ved like grunnleggjande ferdigheiter. Departementet

viser i denne samanhengen til at det er krav om politiattest for tilsette i bedrifter som tilbyr varig tilrettelagt arbeid, som til dels rettar seg mot den same målgruppa. Fleire deltakarar i grunnskoleopplæring for vaksne er dessutan under 18 år. Departementet meiner derfor det bør stillast krav om politiattest for dei som underviser i førebuande opplæring for vaksne, tilsvarande det som gjeld for dei som underviser i grunnskoleopplæringa og vidaregående opplæring for barn og unge.

Departementet foreslår at det blir innført krav om barneomsorgsattest slik som i opplæringa for barn og unge, ettersom kravet om politiattest i opplæringa for vaksne delvis er grunngitt med at enkelte av deltakarane i opplæringa for vaksne er under 18 år. Departementet meiner ein slik attest også er tenleg for å vareta omsynet til dei sårbare vaksne i opplæringa. Det er uansett ikkje tenleg med krav om to ulike attestar ved tilsetjing.

Når det gjeld utforminga av kravet til politiattest, viser departementet til punkt 52.

Departementet meiner det ikkje er same behov for krav om politiattest i vidaregående opplæring for vaksne. I vidaregående opplæring for vaksne er det berre personar over 18 år, og deltakarane er ikkje særlege utsette eller sårbar på same måten som ein del av deltakarane i grunnskoleopplæring for vaksne. Vidaregående opplæring for vaksne er meir nærliggjande å samanlikne med høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning (fagskolar), der det ikkje er krav om politiattest for dei som underviser.

### 43.30.5 Departementets forslag

Departementet foreslår å innføre krav om politiattest og tilhøyrande forbod mot tilsetjing i den førebuande opplæringa for vaksne, sjå forslaget til § 19-14.

## 43.31 Kontaktlærar

### 43.31.1 Dagens reglar

I opplæringslova § 8-2 andre ledd er det krav om kontaktlærar i opplæringa for barn og unge. I dagens lov er det ikkje krav om kontaktlærar i opplæringa for vaksne.

### 43.31.2 Høyningsforslaget

Departementet foreslo ikkje å innføre krav om kontaktlærar i opplæringa for vaksne, men

omtalte dette temaet i høyringa ettersom fleire gav innspel om dette i høyringa av NOU 2019: 23.

### 43.31.3 Høyringsinstansanes syn

Om lag 15 høyringsinstansar har gitt innspel om at dei meiner det bør innførast krav om kontaktlærar. Enkelte kommunar og fylkeskommunar, *Utdanningsforbundet*, *Norsk Lektorlag* og *Skolenes landsforbund* er blant dei som meiner det bør innførast eit slikt krav i opplæringa for vaksne.

*Utdanningsforbundet* viser til at deltagargruppa er meir samansett enn før, og at mange har eit stort behov for tettare oppfølging. *Utdanningsforbundet* peikar mellom anna på at innvandrarar utgjer ein større del av deltararar i vaksenopplæringa enn før, at fleire har avgrensa skolegang frå heimlandet, at nokon slit med traume og psykiske lidingar etter fleire år på flukt frå krig og vald, og at andre kan ha negative erfaringar med tidlegare skolegang. *Utdanningsforbundet* meiner at felles for desse gruppene er at dei treng individuell og tett oppfølging av ein fast lærar som kjenner dei, og som kan gi dei opplæring som er tilpassa behova deira. *Utdanningsforbundet* er usamdi i resonnementet til departementet og meiner at fjernundervisning og fleksible løysingar i vaksenopplæringa vil forsterka behovet for kontaktlærarar. Fleire av dei andre høyringsinstansane grunn- gir synet sitt på den same måten.

*Kristiansand kommune* viser til at erfaringa deira gjennom mange år med grunnskoleopplæring for vaksne er at deltarane i all hovudsak blir organiserte i faste klassar der kvar klasse har ein kontaktlærar. Kommunen meiner det bør innførast eit krav om kontaktlærar, men at det i vaksenopplæringa kan vere ein viss fleksibilitet i ordninga slik at kontaktlærar ikkje nødvendigvis blir tildelt dei same ressursane som kontaktlærarane i den ordinære grunnskolen i kommunen.

### 43.31.4 Departementets vurdering

Departementet ser at det er argument i høyringa for å innføre eit krav om kontaktlærar i grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne. Samtidig går departementet ut frå at vaksne ikkje vil ha like stort behov for ein kontaktlærar som barn og unge. Ettersom verken utvalet eller departementet har foreslått krav om kontaktlærar for vaksne, er eit slikt tiltak ikkje greidd ut. Kva for nokre økonomiske og administrative konsekvensar eit slikt tiltak vil ha, vil avhenge av korleis det blir innretta nærmare. Departementet har

ikkje grunnlag til å fremje eit slikt forslag no, men vil vurdere om dette tiltaket bør greist ut.

### 43.31.5 Departementets forslag

Departementet foreslår ikkje å innføre krav om kontaktlærar i opplæringa for vaksne.

## 43.32 Andre reglar som gjeld for opplæringa for vaksne

### 43.32.1 Dagens reglar

I dag er grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne regulert i opplæringslova kapittel 4A. I kapittel 4A er det vist til at enkelte reglar andre stader i lova gjeld, men dette er ikkje uttømmande. Det er dermed vanskeleg å få oversikt over kva reglar som gjeld for grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne. Til dømes følgjer det av dagens § 4A-4 at enkelte av reglane i kapittel 13 gjeld for grunnopplæring for vaksne. Opplinga er ikkje fullstendig, då det er fleire av reglane i kapittel 13 som gjeld for opplæring for vaksne. I tillegg gjeld dei fleste reglane i kapittel 14 og 15 sjølv om dette ikkje er eksplisitt regulert i kapittel 4A.

### 43.32.2 Høyringsforslaget

Departementet forslo i høyringa å vidareføre diverse fellesreglar, mellom anna om samarbeid og samordning og ansiktsdekkjande plagg. Departementet foreslo ein annan struktur for å få tydelegare fram kva reglar som gjeld kva type opplæring.

Med dette høyringsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 45.

### 43.32.3 Høyringsinstansanes syn

Dei få som har uttalt seg om dette, støttar forslaga. Sjå elles punkt 6 om strukturen i lova.

### 43.32.4 Departementets vurdering

I forslaget til ny opplæringslov er det valt ein struktur som gjer det klarare kva reglar som gjeld for ulike typar opplæring. Den første, sjuande og åttande delen gjeld generelt, og det følgjer av kvar enkelt paragraf om han gjeld for opplæring for vaksne. Eventuelle tillegg eller tilpassingar til reglane i desse delane kjem fram av femte del. Den femte delen gjeld for førebuande opplæring

og vidaregåande opplæring for vaksne. Den andre, tredje og fjerde delen gjeld grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for barn og unge. Reglane i desse delane gjeld ikkje for opplæring for vaksne med mindre det er fastsett i den femte delen at ein regel gjeld. Den sjette delen gjeld privat opplæring, godkjenningsordningar og privatistordningar. Denne delen gjeld ikkje for del-

takarar i grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne.

Sjå elles punkt 6 om strukturen i lova.

#### **43.32.5 Departementets forslag**

Departementet foreslår å vidareføre diverse fellesreglar, mellom anna om samarbeid og samordning og ansiktsdekkjande plagg, sjå femte del.

## 44 Rådgiving

### 44.1 Innleiing

Dette punktet handlar om rådgiving i grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. Det handlar både om rådgiving om sosiale spørsmål og rådgiving om utdannings- og yrkesval.

### 44.2 Dagens reglar

I opplæringslova § 9-2 første ledd er det fastsett at elevane har rett til nødvendig rådgiving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval og om sosiale spørsmål. Retten til rådgiving gjeld både for elevar i grunnskolen og for elevar i den vidaregåande opplæringa.

I forskrift til opplæringslova kapittel 22 er det gitt nærmere reglar om rådgiving. Det er ein generell paragraf om rådgiving (§ 22-1), ein om sosialpedagogisk rådgiving (§ 22-2) og ein om utdannings- og yrkesrådgiving (§ 22-3). Rådgivinga kan vere både individuell og gruppevis, og behovet og ønsket til eleven skal vere avgjeraende for kva for ei av formene som blir tekne i bruk, jf. § 22-1 andre ledd andre punktum.

Vidare følgjer det av § 22-4 at skoleeigar har ansvaret for å oppfylle retten eleven har til rådgiving, og at ansvaret inneber at rådgivinga skal utførast av personale med relevant kompetanse. Det er skoleeigar som må vurdere krava til kompetanse hos dei som blir tilsette som rådgivarar i skole. Skoleeigar kan i samband med dette støtte seg på tilrådde kompetansekrav og rettleiande kompetansekriterium for personale som skal utføre rådgivingsoppgåver i skolen som er utarbeidde av Utdanningsdirektoratet.

Det følgjer av opplæringslova § 8-2 andre ledd at kontaktlæraren skal ha eit særleg ansvar for mellom anna sosialpedagogiske gjeremål som gjeld klassen eller basisgruppa og dei elevane som er der. I juridisk teori, Helgeland (2018), side 199, er det lagt til grunn at regelen inneber at kontaktlæraren er pålagd eit særleg ansvar for den sosialpedagogiske rådgivinga.

I tillegg til lov- og forskritsreglar om rådgiving er rådgivingsfunksjonen regulert i tariffavtale.

Arbeidstidsavtalen for undervisningspersonale i kommunar og fylkeskommunar, *SFS 2213 Arbeidstid i skole*, inneheld reglar om tidsressurs for lærarar som utfører sosialpedagogisk rådgiving på ungdomstrinnet, og for lærarar som utfører rådgiving i vidaregåande opplæring, og reglar om godtgjering av rådgivarfunksjonen. Avtalen inneheld ikkje reglar om rådgivarfunksjonen på barnetrinnet.

Etter opplæringslova § 13-3 f skal fylkeskommunane ha eit tilbod om gratis karriererettleiing til alle som er busette der. Fylkeskommunen skal samarbeide med Arbeids- og velferdsetaten om tilboden. Dette tilbodenettet rettar seg ikkje mot elevar, sjá nærmere omtala av dette tilbodenettet i punkt 46. I forarbeida til paragrafen, Prop. 96 L (2019–2020), kapittel 15.1, er det likevel nemnt at det vil vere naturleg at karriererettleiingstenesta samarbeider med rådgivingstenesta til elevar i skolen og eventuelle andre som gir rettleiing om yrkesval og utdanningsval. Det er også presisert at den nye plikta til karriererettleiing ikkje endrar reglane om rådgiving til elevane i grunnskolen og den vidaregåande opplæringa og ikkje skal føre til eit redusert tilbod om rådgiving etter reglane i forskrift til opplæringslova kapittel 22.

### 44.3 Høyringsforslaget

I høyringa foreslo departementet

- å vidareføre at elevar i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa skal få den rådgivinga som dei treng om utdannings- og yrkesval
- å vidareføre at elevar i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa skal få den rådgivinga som dei treng om sosiale og personlege forhold
- å vidareføre plikta for kommunane og fylkeskommunane til å gi elevar rådgiving på den skolen dei går på, og individuelt dersom eleven ønskjer det
- å innføre ei ny plikt for fylkeskommunane til å sørge for at dei som har lærerid i bedrift, skal ha tilgang til rådgiving om utdanning og

- yrkesval og rådgiving om sosiale og personlege forhold på skolen dei har gått på
- å ikkje vidareføre heimelen til å gi forskrift om rådgiving

Departementet bad om synspunkta til høyringsinstansane på om nemninga utdannings- og yrkesrådgiving bør endrast til karriererettleiing.

Departementet følgde med dette høyringsforslaget delvis opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 42. Utvalet foreslo at kommunen skal sørge for at elevar på 1. til 7. årstrinn får nødvendig rådgiving om val av fag på 8. til 10. trinn. Vidare foreslo utvalet å lovfeste at elevarne skal kunne få råd frå andre enn lærarane sine om sosiale og personlege forhold dersom dei ønsker det. I tillegg foreslo utvalet å vidareføre heimelen til å gi forskrift om rådgiving om utdannings- og yrkesval og om sosiale og personlege forhold, men oppmoda samtidig Kunnskapsdepartementet til å vurdere om det er nødvendig med meir detaljerte reglar i forskrift.

## 44.4 Høyringsinstansanes syn

### 44.4.1 Om lova skal ha reglar om rådgiving

Det er 25 høyringsinstansar som har kommentert forslaga i høyringa om rådgiving. Dette er arbeidslivsorganisasjonane *NHO*, *LO*, *Spekter*, *Virke* og *YS*, seks kommunar, tre fylkeskommunar og ein statsforvaltar. I tillegg har mellom anna *Barneombodet*, *Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir)*, *Statped*, *KS*, *Elevorganisasjonen*, *Norsk lektorlag*, *Unge funksjonshemmede*, *YVIA* og *Karriere Buskerud* gitt utsegner om rådgiving. I hovudsak er det støtte til departementets forslag.

*Viken fylkeskommune*, *Karriere Buskerud*, *Barneombodet*, *Elevorganisasjonen* og *Unge funksjonshemmede* støttar ei vidareføring av reglane om rådgiving, men meiner at lova framleis bør gi opp ein individuell rett til rådgiving for eleven.

Høyringsinstansane gir tilslutning til at utdannings- og yrkesrådgiving og rådgiving om sosiale og personlege forhold blir regulerte i kvar sin paragraf i lova.

### 44.4.2 Elevar skal få den rådgivinga som dei treng

Fleirtalet av høyringsinstansane som har uttalt seg om rådgiving, støttar forslaget om at elevar skal få den rådgivinga dei treng om utdannings- og yrkesval og om sosiale og personlege forhold.

Alle høyringsinstansane som uttaler seg om forslaget, støttar at elevane skal få rådgiving på den skolen dei går på, og at elevar som ønsker det, skal få individuell rådgiving.

### 44.4.3 Utdannings- og yrkesrådgiving

Eit fleirtal av høyringsinstansane som uttaler seg om nemninga *utdannings- og yrkesrådgiving* bør endrast til *karriererettleiing*, meiner at ein bør bruke nemningane *karriererettleiing* og *karriere-rettleiar*. *HK-dir*, som har det faglege ansvaret for rådgiving i heile skolelopet i dag, grunnar dette med at nemningane karriererettleiing og karriere-rettleiar allereie er etablerte nemningar i samanheng med rettleiing om utdannings- og yrkesutval. Direktoratet viser til at nemningane blir brukte i offentlege dokument som meldingar og oppdragsbeskrivingar, og at nemningane allereie er i bruk i opplæringslova. Vidare viser direktoratet til at nemningane blir brukte gjennomgåande innan fagfeltet i universitets- og høgskolesektoren og er etablerte i fylkeskommunane. *NHO*, *Norsk lektorlag*, *Oslo kommune*, *Spekter*, *Vestfold og Telemark fylkeskommune* og *Viken fylkeskommune* bruker tilsvarende argument for at nemninga karriererettleiing skal nyttast i lova.

*Barneombodet* støttar at *utdannings- og yrkesrådgiving* blir brukt, fordi dei oppfattar at nemninga *karriererettleiing* er for snever, særleg for barnetrinnet. *Bergen kommune* støttar også dette alternativet.

Krav til kompetanse hos rådgivarane blir teke opp av fleire høyringsinstansar, mellom anna *HK-dir*, *Vestfold og Telemark fylkeskommune*, *Viken fylkeskommune*, *Bergen kommune*, *Elevorganisasjonen*, *Karriere Buskerud*, *Norsk lektorlag*, *Spekter*, *Unge funksjonshemmede* og *Virke*. Dei fleste av dei fokuserer på karriererettleiaren og meiner det bør fastsetjast kompetansekrav for den som skal gi rådgiving om utdanning og yrkesval, for å sikre kvaliteten på rettleiinga og like tilbod.

### 44.4.4 Rådgiving om sosiale og personlege forhold

*Vestfold og Telemark fylkeskommune* støttar å vidareføre plikta kommunen og fylkeskommunen har til å gi elevar rådgiving om sosial og personlege forhold.

*Troms og Finnmark fylkeskommune* går inn for at det bør stillast krav til kompetanse for dei som skal gi råd om sosiale og personlege forhold. Mellom anna *Elevorganisasjonen* og *LO* meiner det

bør stillast krav til kompetansen til rådgivarane generelt.

#### **44.4.5 Dei som har læreretid i bedrift, skal ha tilgang til rådgiving**

Alle høyringsinstansane som uttaler seg om forslaget, støttar at dei som har læreretid i bedrift, skal ha tilgang til rådgiving om utdanning og yrkesval og rådgiving om sosiale og personlege forhold.

*Statsforvaltaren i Nordland* går inn for at rådgivinga skal vere tilgjengeleg på ein skole i nærleiken av lærestaden, og viser til dei særlege problema som gjeld faga med berre eitt eller få skoletilbod i landet. *Vestfold og Telemark fylkeskommune* ser ikkje nødvendigheita av at rådgivinga skal givast på den skolen den enkelte sist gjekk på. *Oslo kommune* meiner det bør overlatast til fylkeskommunen å vurdere kvar dei som har læreretid i bedrift, skal ha tilgang til rådgiving. *Elevorganisasjonen* meiner rådgiving bør givast på den skolen som er nærmast bustadadressa til lærlingen. *Spekter* meiner tilboden om rådgiving til dei som har læreretid i bedrift, må vere tilgjengeleg der den enkelte er, og at dette ikkje nødvendigvis er på den skolen dei tidlegare var elev på.

#### **44.4.6 Spørsmålet om behov for forskritsheimel om rådgiving**

Det er eit fåtal av høyringsinstansane som uttaler seg om det er behov for å behalde heimelen til å gi forskrift om rådgiving. *HK-dir* peikar på at ei forskrift kan gjere tydeleg kva rådgivinga om karriererettleiing skal innehalde og gi av utbytte. Vidare viser direktoratet til at dagens forskritsreglar har vore viktige og retningsgivande for utviklinga av karriererettleiinga, og at ei vidareføring kan sikre kvaliteten på karriererettleiinga og likeverdige tilbod på tvers av geografi, målgrupper og utdanningsnivå.

*Vestfold og Telemark fylkeskommune* støttar forslaget om å ikkje vidareføre ein forskritsheimel, men meiner at behovet for ein rettleiing bør vurderast. *Viken fylkeskommune* meiner at det ikkje er behov for ein forskritsheimel dersom heile intensjonen med forskrifta er varetaken i lovteksten. Den foreslår lovteksten oppfyller ifølgje fylkeskommunen ikkje denne føresetnaden.

*Karriere Buskerud* viser til at rådgivinga ikkje blir regulert av læreplanar og i praksis derfor i stor grad blir utvikla ved kvar enkelt skole. Til likstrekking med *HK-dir* meiner *Karriere Buskerud* at forskrifta er viktig for sikre kvaliteten på rådgivinga og likeverdige tilbod til elevane. *NHO* støttar ikkje

forslaget og meiner at dagens heimel bør utvidast til å omfatte behovet i arbeidslivet generelt og behovet i lokalt arbeidsliv spesielt. *Norsk lektorlag* støttar at heimelen til å gi nærmare forskrift om rådgiving blir teken bort, men meiner at dette føreset tydelegare formålsbeskrivingar i forarbeida. *Lektorlaget* meiner at innhaldet i forskrifta § 22-1 om at tilboden skal vere kjent for elevar og føresette, kva retten til nødvendig rådgiving inneber, og at rådgiving skal medverke til å jamne ut sosiale forskjellar, førebyggje fråfall og integrere etniske minoritetar, må innarbeidast i forarbeida.

### **44.5 Departementets vurdering**

#### **44.5.1 Om lova skal ha reglar om rådgiving**

Rådgivingstenesta er ikkje ein del av grunnskoleopplæringa eller den vidaregåande opplæringa, men er viktig for at elevane skal finne seg til rette på skolen og gjere gode utdannings- og yrkesval. Høvet til å få rådgiving er så viktig for barn og unge i grunnskolen og vidaregåande opplæring at desse tenestene bør regulerast i lov.

Utdannings- og yrkesrådgiving og rådgiving om sosiale og personlege forhold har ulik funksjon og ulikt innhald. Dette kan bli tydelegare der som dei to tenestene, i motsetning til i gjeldande lov, blir regulerte i kvar sin paragraf. Ei slik deling av forpliktingane til kommunen/fylkeskommunen har brei støtte blant høyringsinstansane. Departementet foreslår derfor at rådgiving om utdannings- og yrkesval og rådgiving om sosiale og personlege forhold blir regulerte i kvar sin paragraf.

Departementet meiner at ei plikt for kommunen/fylkeskommunen til å gi rådgiving til kvar enkelt elev vil vere tilstrekkeleg for å sikre at barn og unge i grunnskole og vidaregåande opplæring får den rådgivinga dei har behov for, og foreslår at paragrafen i den nye lova blir utforma i samsvar med dette. Departementet viser også til retningslinjene for regelstyring og at individuelle rettar bør reserverast tilfelle der det er stor risiko for at generelle reglar ikkje vil vareta enkelpersonar, sjå punkt 4.

#### **44.5.2 Elevar skal få den rådgivinga dei treng**

For å få tydelegare fram at rådgivinga skal knytast til behovet elevane har, foreslår departementet å forme ut reglane som plikter til å sorgje for at elevane får den rådgivinga dei treng. Dette er ei språkleg endring og inneber ikkje ei endring av innhaldet i dagens regel.

Det følgjer av dagens forskrift til opplæringslova § 22-1 at rådgivinga (både utdannings- og yrkesrådgivinga og den sosialpedagogiske rådgivinga) kan vere individuell, eller at ho kan givast gruppevis, og at forma skal avgjeraast ut frå ønsket og behovet til elevane. Departementet foreslår å vidareføre dette og å eksplisitt uttrykkje i lova at eleven skal få rådgivinga individuelt dersom dei ønskjer det. Dette vil gjelde for begge formene for rådgiving.

Rådgivingstilboden på den enkelte skolen vil etter forslaget bestå av ulike element som samla sett skal dekkje behovet til elevane for rådgiving, og kan vere både kollektiv og individuell rådgiving. Kontaktlæraren skal framleis ha ei sentral rolle i den daglege oppfølginga av elevane, sjå forslag til ny § 14-2, og vil i mange tilfelle kunne gjere gode vurderingar av behovet til elevane for rådgiving. Ettersom det er elevane som er nærest til å vita kva som skal til for å dekkje behova deira, bør elevane høyraast i arbeidet med å planleggje og organisere rådgivingstilboden, i samsvar med forslaget til § 10-2 som er omtalt i punkt 21.

Departementet foreslo i høyringa å vidareføre og lovfeste at elevar skal ha tilgang til rådgiving ved den skolen dei går på. Alle høyringsinstansane som uttaler seg om dette forslaget, støttar det. Regelen stiller ikkje krav utover dette om korleis kommunane organiserer rådgivinga.

Elevane og foreldra må kjenne til tilboden om rådgiving for at dei skal kunne nytte seg av det. Forskrifta § 22-1 slår i dag fast at rådgivingstilboden skal vere kjent for elevar og føresette. Departementet meiner at det ikkje er behov for at det står eksplisitt i lovregelen om rådgiving at tilboden skal vere kjent for elevar og foreldre. Forslaget til ny § 10-8, sjå omtale i punkt 19, gir kommunane og fylkeskommunane ei generell plikt til å gi elevar og foreldre den informasjonen dei har bruk for. Denne plikta til å gi informasjonen omfattar også plikta skolen har til å gi opplysningsar om tilboden sitt om rådgiving til elevane og foreldra som har bruk for om det.

#### **44.5.3 Utdannings- og yrkesrådgiving**

##### *Kva elevane skal få rådgiving om*

Etter gjeldande lov skal elevane få nødvendig rådgiving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval. Kva rådgivinga skal omfatte, er nærmare utdjupa i dagens forskrift til opplæringslova § 22-3, der det mellom anna står at rådgivinga har til formål å bevisstgjere eleven i val av utdanning og yrke og å utvikle kompetansen til den enkelte til å planleg-

gje utdanninga si og yrket sitt i eit langsiktig perspektiv. I tillegg er det lista opp ei rekke døme på kva elevane kan få rådgiving om, mellom anna søknadsprosedyrar, utdanningsretningar i og utanfor Noreg og korleis bruke rettleatingsverktøy. Departementet meiner at foreslått ordlyd om at rådgivinga skal omfatte utdannings- og yrkesval, etter ei vanleg forståing av ordlyden, vil omfatte desse elementa, og dermed omfatte rådgiving om fag, konsekvenser av val og karrieremogleigheter.

Karriererettleatingsutvalet foreslo i NOU 2016: *7 Noreg i omstilling – karriererettleiing for individ og samfunn* å endre nemninga på utdannings- og yrkesrådgiving til karriererettleiing. Utvalet meinte at denne nemninga etter synet frå utvalet betre dekkjer det barn og unge bør få gjennom rådgivinga til skolen. I NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov* uttalte opplæringslovutvalet derimot at nemninga utdannings- og yrkesrådgiving best dekkjer den rådgivinga som går føre seg i skolen, fordi det i stor grad handlar om val innanfor og mellom utdanningsar. Utvalet viser også til at uttrykket karriererettleiing kan verke framand for elevane som skal søkje seg til vidaregåande opplæring.

Departementet har merka seg at nemninga karriererettleiing er teken i bruk i opplæringa som gir kompetanse i å ta val om utdanning og arbeid gjennom heile utdanningsløpet og arbeidslivet, og at nemninga blir nytta i det internasjonale forskingsfeltet som gir kunnskapsgrunnlaget for fagområdet. Omgrepene har også vorte brukt i enkelte samanhengar om utdannings- og yrkesrådgiving i offentlege dokument.

Departementet legg større vekt på at rådgiving om utdannings- og yrkesval er ei innarbeidd nemning i grunnopplæringa. Vidare er uttrykket utdannings- og yrkesval meir intuitivt enn karriere for dei som ikkje har sett seg inn i den faglege forståinga av kva karriererettleiing inneber. I daglegtale spelar uttrykket karriere i stor grad på voksenlivet og det å gjere karriere. Å bruke denne nemninga, særleg for elevar i grunnskolen, kan derfor bidra til opplevd press om å velje yrke tidleg. Den rådgivinga barn og unge får på skolen, handlar i stor grad om å bli kjend med seg sjølv og sine interesser og gjere val innanfor og mellom utdanningsar. Departementet foreslår derfor å vidareføre nemninga rådgiving om utdannings- og yrkesval.

##### *Kven som skal gi elevane rådgiving om utdannings- og yrkesval*

Kommunane og fylkeskommunane har ansvar for å finne ut kva kompetanse skolane må ha tilgang

til for å gi eit godt rådgivingstilbod til elevane. Dette ansvaret vil etter departemenets forslag følgje av dei generelle reglane i lova. I forslag til §§ 28-1 og 28-2 blir dagens reglar om at kommunane og fylkeskommunane har ansvaret for å oppfylle reglane i lova, vidareførte. Forslaget til § 17-1 slår dessutan fast at kommunane og fylkeskommunane skal sørge for å ha rett og nødvendig kompetanse i verksemda.

Departementet meiner at rettleiande kompetansestandardar for dei som skal gi elevane rådgiving om utdannings- og yrkesval i skolen, basert på det nasjonale kvalitetsrammeverket for karriererettleiing, vil vere eit meir fleksibelt verkemiddel enn lovfesta kompetansekrav. Dette vil gi meir fagleg fridom og større handlingsrom for kommunale og fylkeskommunale styresmakter i tråd med prinsippa i tillitsreforma. Eit forbetra og vidareutvikla vidareutdanningstilbod for dei som skal gi elevane rådgiving om utdannings- og yrkesval i skolen, vil også kunne bidra til å auke kvaliteten i rådgivingstenestene.

Departementet foreslår derfor at det ikkje blir gitt reglar om kompetansekrav for rådgivarar.

#### **44.5.4 Rådgiving om sosiale og personlege forhold**

##### *Kva elevane skal få rådgiving om*

Departementet foreslo i høyringa å vidareføre gjeldande reglar om kva elevane skal få rådgiving om. Skolen er den arenaen der elevane er store delar av oppveksten, og der utfordringar både oppstår og bør løysast. Skolen kan derfor bidra til at elevane får hjelp raskt dersom problem oppstår. Rådgiving om sosiale og personlege forhold kan omfatte dei fleste tema, under den føresetnaden at dei verkar inn på korleis eleven har det på skolen. Dette kan gjelde problem rundt opplæringa, inkludert utfordringar rundt motivasjon, læringsmiljø etc. I tillegg kan det gjelde det sosiale på skolen. Rådgiving inneber å gi informasjon, rettleiing, oppfølging og eventuelt anna hjelp til elevane. I mange tilfelle vil også problem utanfor skolen eller opplæringssituasjonen ha noko å seie for korleis eleven har det på skolen. I slike tilfelle omfattar plikta til å gi rådgiving at skolen ved behov hjelper elevar med å finne dei rette hjelpeinstansane og formidle kontakt med desse. Elevane skal ikkje bli avviste dersom dei oppsøkjer skolen for å få hjelp og råd om forhold som ikkje nødvendigvis har noko å seie for opplæringa eller situasjonen til eleven på skolen, men bli viste til det relevante tilbodet.

##### *Kven som skal gi rådgiving om sosiale og personlege forhold*

Departementet meiner det framleis bør overlastast til kommunane og fylkeskommunane å finne ut kva kompetanse skolane må ha for å gi eit godt rådgivingstilbod til elevane. Dette vil følgje av dei generelle reglane i lova. I forslag til §§ 28-1 og 28-2 blir dagens reglar om at kommunane og fylkeskommunane har ansvaret for å oppfylla reglane i lova, vidareførte. I tillegg følgjer det av forslag til § 17-1 at kommunane og fylkeskommunane skal sørge for å ha rett og nødvendig kompetanse i verksemda.

Departementet ser at elevar kan ha behov for å få råd frå andre enn lærarane sine, men er ikkje samd med utvalet i at dette bør lovfestast. Departementet viser til at det blir foreslått å lovfeste at eleven skal få den rådgivinga dei har behov for. For å oppfylle plikta må skolane ta omsyn til at den enkelte eleven kan ha behov for å snakke med nokon andre enn kontaktlæraren sin. Departementet har tillit til at skolane organiserer verksemda ut frå lokale forhold og behovet til elevane. I tillegg har mange skolar allereie i dag ein rådgivar eller sosiallærar som elevar kan gå til, i tillegg til kontaktlæraren. Dessutan skal skolen hjelpe eleven med å oppsøkje rett instans. Elevane har også høve til å direkte oppsøkje hjelp og råd frå andre enn kontaktlæraren, til dømes gjennom skolehelsetenesta.

Departementet forslår til liks med utvalet at det ikkje blir fastsett spesifikke reglar om kompetanse hos dei som skal gi elevane råd om sosiale og personlege forhold.

#### **44.5.5 Dei som har læretid i bedrift, skal ha tilgang til rådgiving**

##### *Om dei som har læretid i bedrift, også skal ha tilgang på rådgiving*

Fylkeskommunen har i dag inga plikt til å sørge for rådgiving om utdanning og yrkesval og rådgiving om sosiale og personlege forhold for dei som har læretid i bedrift. For unge som har læretid i bedrift kan likevel behov for rådgiving vere like stort som for elevar i vidaregåande opplæring.

Dei som har læretid i bedrift, kan ha behov for og nytte av rådgiving om omval, kva jobbmoglegheiter utdanninga gir dei, og korleis dei kan utnytte moglegheitene sine for å få jobb etter avslutta utdanning. Dei kan også ha behov for rådgiving om sosiale og personlege forhold. Overgangen frå skole til bedrift kan vere krevjande for

mange. Rådgiving kan vere nyttig for at den enkelte skal finne sin plass og få mest mogleg ut av opplæringa. Tilgang til rådgiving kan derfor vere viktig for at dei som har læretid i bedrift, skal lykkast med å fullføre opplæringa si.

Forslag om ei slik plikt for fylkeskommunen har vorte fremja ei rekke gonger tidlegare: i NOU 2008: 18 *Fagopplæring for framtida*, i NOU 2016: 7 *Norge i omstilling – karriereveileiding for individ og samfunn* og i Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden* og av opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23.

Alle høyringsinstansane som uttaler seg, støttar forslaget. Departementet foreslår at det blir fastsett ei slik plikt for fylkeskommunen i den nye opplæringslova.

#### *Kva plikta til rådgiving skal innebere*

Det er ressurskrevjande og lite praktisk at rådgivinga til skolane oppsøkjer alle dei ulike opplæringsstadene ute i bedriftene. Departementet foreslår derfor at plikta til å gi rådgiving blir lagt til fylkeskommunane, og at det ikkje blir stilt krav om ein aktiv og oppsøkjande rådgiving i bedriftene der opplæringa skjer. Dei som har læretid i bedrift, må derfor sjølv oppsøkje dei tilgjengelege rådgivingstenestene. Dette føreset at dei får tilstrekkeleg informasjon om rådgivingstilbodet til at dei kan nytte seg av det.

Departementet foreslo i høyringa at rådgivinga skulle givast på den skolen som den enkelte sist gjekk på. Departementet er samd med dei høyringsinstansane som har vist til at det ofte ikkje er tenleg for den som skal få rådgiving, å få rådgivinga på den skolen vedkommande sist gjekk på. Vedkommande kan både bu og få opplæring langt frå denne skolen. Derfor er det også vanskeleg å forme ut ein konkret regel som gir den beste løysinga i alle tilfelle for den som skal få rådgivinga. Departementet foreslår derfor at fylkeskommunen kan avgjere kvar rådgiving skal givast.

#### **44.5.6 Ikkje behov for forskriftsheimel om rådgiving**

Departementet foreslo i høyringa å ikkje vidareføre dagens heimel i opplæringslova til å fastsetje forskrift om rådgiving. Dette forslaget fekk støtte i høyringa.

Etter departementets vurdering bør sentrale element i rådgivingsplikta komme fram direkte av lova. Enkelte delar av gjeldande forskrift er derfor foreslått innarbeidd i forlaget til lovtekst. Departementet ser ikkje at det er behov for meir detaljerte reglar om rådgiving enn det som følgjer av forslaga til lovreglar. Eventuelle behov for presiseringer om innhaldet i rådgivinga og støttetiltak kan givast som rettleiing. Departementet foreslår derfor at ny opplæringslov ikkje skal innehalde ein forskriftsheimel om rådgiving.

### **44.6 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å vidareføre at elevar i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa skal få den rådgivinga som dei treng om utdannings- og yrkesval, sjå forslaget til § 16-1
- å vidareføre at elevar i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa skal få den rådgivinga som dei treng om sosiale og personlege forhold, sjå forslaget til § 16-2
- å vidareføre plikta for kommunane og fylkeskommunane til å gi elevar rådgiving på den skolen dei går på, og individuelt dersom eleven ønskjer det, sjå forslaget til § 16-1 andre ledd og § 16-2 andre ledd
- å innføre ei ny plikt for fylkeskommunane til å sorgje for at dei som har læretid i bedrift, skal ha tilgang til rådgiving om utdannings- og yrkesval og rådgiving om sosiale og personlege forhold, sjå forslaget til § 16-1 tredje ledd og § 16-2 tredje ledd
- å ikkje vidareføre heimelen til å gi forskrift om rådgiving

## 45 Oppfølgingstenesta

### 45.1 Innleiing

Dette punktet handlar om oppfølgingstenesta, som er ei av fleire tenester som er regulerte i opplæringslova, men som ikkje er ein del av grunnskolen og den vidaregåande opplæringa.

### 45.2 Dagens reglar

Fylkeskommunen pliktar å ha ei oppfølgingstenesta for dei som har rett til vidaregåande opplæring, men som ikkje er i opplæring eller i arbeid. Plikta følgjer av opplæringslova § 3-6. Tilbod frå tenesta kan givast til og med det året den enkelte fyller 21 år.

Det kjem fram av § 3-6 første ledd siste punktum at oppfølgingstenesta også omfattar dei som har tapt opplæringsretten etter opplæringslova § 4-6. Sidan regelen om tap av opplæringstid i § 4-6 vart oppheva i 2017, har ikkje denne delen av § 3-6 praktisk betydning lenger.

Nærare regulering av oppfølgingstenesta følger av forskrift til opplæringslova kapittel 13. I § 13-1 kjem fram det at formålet med oppfølgingstenesta er å sørge for at ungdom i målgruppa får tilbod om opplæring, arbeid eller andre kompetansefremjande tiltak, eventuelt ein kombinasjon av desse. Vidare er det presisert i forskrifta at tilboda som blir gitt av oppfølgingstenesta, primært skal ta sikte på å føre fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse innanfor vidaregående opplæring.

Oppgåvene til oppfølgingstenesta er definerte i forskrift til opplæringslova § 13-3 og inneber

- å ha løpende oversikt over alle i målgruppa og oversikt over aktuelle tilbod for desse
- å gi skriftleg informasjon til alle i målgruppa om rettane dei har
- å etablere kontakt med kvar enkelt ungdom med sikte på rettleiing og oppfølging
- å gi alle i målgruppa tilbod i samsvar med formålet til oppfølgingstenesta
- å sørge for nødvendig oppfølging ved behov for dei som har fått tilbod gjennom oppfølgingstenesta

I forskrift til opplæringslova § 13-2 er det rekna opp kven som er i målgruppa for oppfølgingstenesta.

Det er fylkeskommunen som har ansvaret for å etablere og drifta oppfølgingstenesta. Det er ikkje fastsett krav til organisering, bemanning og kompetanse.

Det kjem fram av andre ledd i § 3-6 i lova at oppfølgingstenesta skal sikre tverretatleg samarbeid mellom kommunale, fylkeskommunale og statlege instansar som har ansvaret for målgruppa. I tillegg skal oppfølgingstenesta formidle, eventuelt samordne, tilbod frå dei ulike instansane. Innhaldet i andre ledd stod fram til 1. august 2022 i den tidlegare § 13-4 i forskrift til opplæringslova, men vart frå dette tidspunktet flytta til lov, sjå Prop. 100 L (2020–2021).

Oppfølgingstenesta kan også hjelpe til i det førebyggjande arbeidet med å redusere fråfallet i vidaregående opplæring gjennom samarbeid med grunnskole og vidaregående opplæring. Slikt førebyggjande arbeid er ikkje noko oppfølgingstenesta pliktar å utføre, men høvet til å utføre slikt førebyggjande arbeid er gjort tydeleg i merknadene til andre ledd i § 3-6 i lova, sjå Prop. 100 L (2020–2021).

### 45.3 Høyningsforslaget

I høyringa foreslo departementet

- å vidareføre fylkeskommunens plikt til ha ei oppfølgingstenesta for ungdom som er utanfor arbeid og opplæring
- å utvide målgruppa til oppfølgingstenesta slik at personar er omfatta av tilboda til tenesta fram til utgangen av det året dei fyller 24 år
- å fastsetje i lova kva som er hovudinnhaldet i oppgåvene til oppfølgingstenesta
- å vidareføre heimelen til å gi forskrift om oppgåvene til oppfølgingstenesta
- å ikkje vidareføre at oppfølgingstenesta gjeld ungdommar som har mista retten til opplæring

Med dette høyningsforslaget følgde departementet delvis opp forslaget frå opplæringslovutvalet i

NOU 2019: 23, kapittel 42.7. Utvalet foreslo ikkje å utvide målgruppa, under tilvising til at ei eventuell utviding i stor grad er eit politisk spørsmål om korleis dei offentlege ressursane skal prioriterast. Forslaga som går fram av dei andre strekpunkta over, var i hovudsak ei oppfølging av forslaga i NOU-en.

## 45.4 Høyningsinstansanes syn

Ingen høyningsinstansar har uttalt at dei ikkje vil vidareføre reglar om at fylkeskommunen skal ha ei oppfølgingsteneste.

Om lag 20 høyningsinstansar har uttalt seg om forslaget om å utvide målgruppa fram til 24 år. Eit klart fleirtal støttar forslaget heilt eller delvis, inkludert enkelte fylkeskommunar, KS, NHO og *Utdanningsforbundet*. Enkelte instansar tek ikkje direkte stilling til om dei støttar forslaget eller ikkje, men påpeikar at forslaget krev økonomisk kompensasjon. *Justis- og beredskapsdepartementet* støttar forslaget, men meiner at det vil vere naturleg å avklare ansvarsforholdet mellom oppfølgingstenesta og kriminalomsorga i dei tilfella den enkelte er i institusjonane til kriminalomsorga. *Arbeids- og velferdsdirektoratet* støttar også utvindinga, men peikar mellom anna på at Nav og oppfølgingstenesta vil ha ansvar for fleire i same gruppe. Direktoratet meiner derfor det er behov for ei tydeleggjering av ansvarsfordelinga, til dømes gjennom retningslinjer. *Viken fylkeskommune* støttar ikkje forslaget og meiner ein heller bør ha fokus på å sikre god oppfølging til dei som i dag er i målgruppa. Fylkeskommunen uttaler vidare at ein bør «vente på ei utviding av målgruppe inntil ein ser effekten av forslaga til lovendringar i opplæringslova, og at ein då ser kva behov for oppfølging dei i aldersgruppa 21 til og med 24 år vil ha».

Nokre høyningsinstansar ønskjer at målgruppa også bør omfatte dei som er i arbeid, under tilvising til at det vil vere nyttig at også unge vaksne fullfører vidaregåande opplæring, sjølv om dei skulle vere i arbeid.

Rundt 15 høyningsinstansar har uttalt seg om justeringane departementet har foreslått i forholdet mellom kva reglar som skal stå i høvesvis lov og forskrift, og alle støttar forslaget heilt eller delvis.

I overkant av 10 høyningsinstansar, inkludert fleire fylkeskommunar, har spelt inn at dei ønskjer at departementet greier ut korleis oppfølgingstenesta kan påleggjast å jobbe førebyggjande. Fleire av fylkeskommunane seier at deira oppfølgingste-

neste allereie jobbar førebyggjande, og at det er ei klar kopling mellom det førebyggjande arbeidet i fylkeskommunen og arbeidet med målgruppa til oppfølgingstenesta definert i lova.

## 45.5 Departementets vurdering

### 45.5.1 Målgruppa til oppfølgingstenesta

Departementet foreslår, i samsvar med høyningsforslaget, å utvide målgruppa for oppfølgingstenesta til og med 24 år, noko som også er i tråd med Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*.

Departementet peikar på at fullført vidaregåande opplæring kan vere avgjerande for høvet til den enkelte til ei seinare varig tilknyting til arbeidslivet. Også for unge vaksne mellom 21 og 24 år utan fullført vidaregåande opplæring er det viktig å vere anten i opplæring eller arbeid. Departementet foreslår derfor å utvide målgruppa til oppfølgingstenesta, slik at fleire unge vaksne kan få hjelpe til å komme inn i kompetansefremjande tiltak, som kan bidra til å sikre ei framtidig varig tilknyting til arbeidslivet.

Enkelte høyningsinstansar ønskjer at målgruppa blir utvida til å gjelde også dei i den aktuelle aldersgruppa som er i arbeid, men som ikkje har fullført vidaregåande opplæring. Oppfølgingstenesta har allereie i dag ansvar for ei stor målgruppe, og omfanget vil auke med utvida aldersgruppe. Departementet meiner at det er viktigast å fokusere på dei som verken er i arbeid eller utdanning, og vil uansett påpeike at ei slik utviding ikkje har vore greidd ut.

Etter oppfatninga til departementet må omgrepet «i arbeid» tolkast i lys av intensjonen med reglane. Som opplæringslovutvalet peika på i kapittel 42.7 i Nou 2019: 23, har oppfølginga av ungdom utanfor arbeid og utdanning til formål å få ungdommar til å fullføre utdanninga eller på annan måte komme seg inn i arbeidslivet. Målet er at fleire ungdommar utanfor opplæring og arbeid skal følgjast opp, bli kvalifiserte og bli motiverte til vidaregåande opplæring eller ordinært arbeid. For at den enkelte skal kunne reknast for å vere «i arbeid» etter regelen, er det derfor ikkje tilstrekkeleg at det kan konstaterast eit arbeidsforhold. Arbeidsforholdet må vere av ei viss varigheit og ha eit visst omfang. Det er også relevant å sjå på om arbeidet er eigna til å gi, eller å bidra til på sikt å gi, den enkelte ei varig tilknyting til arbeidslivet.

Departementet vil vurdere behovet for ei tydeleggjering av ansvarsfordelinga mellom oppføl-

gingstenesta og høvesvis kriminalomsorga og Nav.

Departementet foreslår å ikkje vidareføre regelen om at oppfølgingstenesta gjeld for ungdommar som har mista retten til opplæring etter opplæringslova § 4-6, sidan regelen om tap av opplæringstid i § 4-6 vart oppheva i 2017.

#### **45.5.2 Innhaldet i tenesta**

Departementet foreslår, som i høyringa, at dagens beskriving av formålet med oppfølgingstenesta i forskrift til opplæringslova § 13-1 blir forenkla og flytta til lova. Dette vil gi ei betre beskriving i lova av kva oppfølgingstenesta er, og vil gi tydelegare rammer for fullmakta til å gi forskriftsreglar. Departementet foreslår å vidareføre ein heimel til å gi forskrifter om oppgåvane til oppfølgingstenesta. Vidare foreslår departementet, som i høyringa, at reglane i forskrift til opplæringslova § 13-2 om målgruppe ikkje blir vidareførte, då dette i stor grad er ei oppramsing av typetilfelle som uansett vil vere omfatta av reglane i lova.

Departementet viser vidare til lovendringa som tredde i kraft 1. august 2022, omtalt i punktet om dagens reglar over, som inneber at innhaldet i tidlegare § 13-4 første ledd første punktum i dagens forskrift er vidareført i lova. Denne lovendringa er, med mindre språklege justeringar, teken inn som andre ledd i forslaget til § 9-4.

Det er gjort tydeleg i merknadene til dagens lovreglar at oppfølgingstenesta *kan* jobbe førebygg-

ende. Departementet er kjent med at oppfølgingstenesta i ein del fylkeskommunar jobbar førebyggjande, noko enkelte høyringsinstansar stadfestar. Departementet meiner det er avgjerande at det blir jobba førebyggjande med å hindre fråfall i vidaregåande opplæring. Som påpeika i høyringsnotatet må spørsmålet om oppfølgingstenesta skal påleggjast å jobbe førebyggjande, bli greidd ut nærmare. Fleire høyringsinstansar ønskjer at dette blir greidd ut, og departementet vil vurdere nærmare om det skal foreslåast reglar som pålegg oppfølgingstenesta å jobbe førebyggjande.

### **45.6 Departementets forslag**

---

Departementet foreslår

- å vidareføre fylkeskommunens plikt til ha ei oppfølgingsteneste for ungdom som er utanfor arbeid og opplæring, sjå forslaget til § 9-4 første ledd første og andre punktum
- å utvide målgruppa til oppfølgingstenesta slik at personar er omfatta av tilboda til tenesta fram til utgangen av det året dei fyller 24 år, sjå forslaget til § 9-4 første ledd tredje punktum
- å fastsetje i lova kva som er hovudinnhaldet i oppgåvane til oppfølgingstenesta. Sjå forslaget til § 9-4 første og andre ledd
- å vidareføre heimelen til å gi forskrift om oppgåvane til oppfølgingstenesta, sjå forslaget til § 9-4 tredje ledd

## 46 Karriererettleiing

### 46.1 Innleiing

Dette punktet handlar om plikta fylkeskommunen har til å ha eit tilbod om gratis karriererettleiing for dei som er busette i fylket.

### 46.2 Dagens reglar

Det følgjer av opplæringslova § 13-3 f første ledd første punktum at fylkeskommunen skal ha eit tilbod om gratis karriererettleiing for alle som er busette i fylket. Fylkeskommunen skal samarbeide med Arbeids- og velferdsetaten om tilboden, jf. § 13-3 f første ledd andre punktum. Etter andre ledd kan departementet gi forskrift om innhaldet i og organiseringa og omfanget av tilboden om karriererettleiing. Det er ikkje gitt forskriftsreglar om karriererettleiing.

### 46.3 Høyringsforslaget

Departementet foreslo å vidareføre dagens regel om at fylkeskommunen skal ha eit tilbod om gratis karriererettleiing for dei som er busette i fylket.

Med dette forslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 48.

### 46.4 Høyringsinstansane syn

Det er få høyringsinstansar som har uttalt seg konkret om forslaget om å vidareføre plikta for fylkeskommunen om å ha eit tilbod om gratis karriererettleiing. Forslaget blir støtta av dei som har uttalt seg. *Arbeidsgiverforeningen Spekter* meiner regelen om karriererettleiing også må inkludere lærlingar, uavhengig av bustad, for å sikre eit tilstrekkeleg tilbod til dei med lærplinglass utanfor eige fylke. *Viken fylkeskommune* meiner regelen om karriererettleiing bør slåast saman med regelen i § 16-1 om rådgiving om utdannings- og yrkesval. *Møre og Romsdal fylkeskommune* og *KS*

meiner paragrafen om karriererettleiing bør flyttast til kapittel 28 om ansvarsdelinga, og viser til at det ikkje er grunn til å skilje denne paragrafen frå ansvarsområda i kapittel 28.

### 46.5 Departementets vurdering

Departementet foreslår, som i høyringa, å vidareføre plikta til å gi karriererettleiing. Bakgrunnen for ei plikt for fylkeskommunen til å tilby karriererettleiingstenester til innbyggjarane er at fylkeskommunane gjennom regionsreforma fekk eit større ansvar for kompetansepolitikken. Karriererettleiing er eit verkemiddel i denne samanhengen.

Regelen er ei generell plikt for fylkeskommunen til å tilby karriererettleiingstenester til innbyggjarane, uavhengig av alder. Regelen gir ikkje individuell rett til karriererettleiing. Plikta til å gi karriererettleiing skil seg frå plikta fylkeskommunen har til å gi elevar i vidaregåande skolar nødvendig rådgiving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval, sjá punkt 44 og § 16-1. Karriererettleiing rettar seg mot alle, ikkje berre mot elevar, slik rådgiving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval gjer. Elevar kan derfor også nytte seg av tilboden om karriererettleiing.

Plikta for fylkeskommunen til å gi karriererettleiing, gjeld dei som er folkeregistrert som busette i fylket. Departementet foreslår å presisere dette i lovtaksten. Til høyringsinnspelet frå *Arbeidsgiverforeningen Spekter* om at tilboden om karriererettleiing også må omfatte lærlingar som har lærplinglass utanfor eige fylke, understrekar departementet at personar som er mellombels busette i fylket, ikkje skal vere omfatta av tilboden, sjá nærmare omtale i merknaden til § 28-9. Departementet foreslår vidare å innføre ei plikt for fylkeskommunen til å sorgje for at dei som har læretid i bedrift, har tilgang til rådgiving om utdannings- og yrkesval, sjá punkt 44 og § 16-1.

Når det gjeld plassering av paragrafen om karriererettleiing i lova, meiner departementet at plikta for fylkeskommunen til å sorgje for eit tilbod om karriererettleiing bør skiljast frå paragra-

fen om ansvaret kommunen og fylkeskommunen har for rådgiving om utdannings- og yrkesval, sjå § 16-1. Departementet meiner at paragrafen om karriererettleiing bør vere plassert i kapittel 28 i lova om ansvaret til kommunen, fylkeskommunen og staten.

## **46.6 Departementets forslag**

---

Departementet foreslår å vidareføre plikta fylkeskommunen har til å ha eit tilbod om karriererettleiing for dei som er folkeregistrert som busette i fylket, sjå forslaget til § 28-9.

## 47 Kulturskolen

### 47.1 Innleiing

Dette punktet handlar om kulturskolen. Kulturskolen er ikkje ein del av grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, men er regulert i opplæringslova.

### 47.2 Dagens reglar

Ifølgje opplæringslova § 13-6 skal kommunen ha eit musikk- og kulturskoletilbod for barn og unge, anten aleine eller i samarbeid med andre kommunar. Paragrafen seier også at musikk- og kulturskoletilbodet skal vere organisert i tilknyting til skoleverket og kulturlivet elles. Kravet om politiattest i opplæringslova § 10-9 gjeld for musikk- og kulturskoletilbod.

Regelen om at kommunane skal ha eit kulturskoletilbod, innehold ikkje krav til innhaldet i tilboden eller at det skal vere eit bestemt tal på plassar. Regelen gir ikke individuelle rettar til barn og unge. Det er kommunane sjølv som bestemmer innhaldet og omfanget av kulturskoletilboden. Det er ikke heimel i lova til å gi forskrift om kulturskoletilboden.

### 47.3 Høyringsforslaget

I høyringa foreslo departementet

- å behalde paragrafen om kulturskole i opplæringslova
- å endre nemninga frå musikk- og kulturskole til kulturskole
- å lovfeste at kulturskolen skal ha nulltoleranse mot krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering
- å lovfeste at kulturskolen skal arbeide førebyggjande for å sikre at elevane i kulturskolen har eit trygt og godt læringsmiljø

Med dette høyringsforslaget følgde departementet ikkje opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 42.5. Utvalet foreslo å flytte

regelen om kulturskolen frå opplæringslova til kulturlova.

### 47.4 Høyringsinstansanes syn

Det er 26 høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget. Desse støttar forslaget om å behalde paragrafen om kulturskole i opplæringslova.

*Bærum kommune* viser til høyringsfråsegna si til NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov* der dei støttar forslaget frå opplæringslovutvalet om å flytte paragrafen om kulturskole til kulturlova.

Fleire av høyringsinstansane, mellom anna *KS, Norsk kulturskoleråd* og *Skolelederforbundet*, ønskjer ei anna plassering av paragrafen i opplæringslova enn det som var foreslått. Fleire høyringsinstansar foreslår at reglar om kulturskole skal ha eige kapittel i opplæringslova eller regulerast i same kapittel som paragrafen om skolefritidsordninga (SFO).

Det er brei støtte blant høyringsinstansane for å lovfeste at kulturskolen ikkje skal godta krenkjande oppførsel, og at han skal arbeide førebyggjande. Enkelte av høyringsinstansane, mellom anna *Norsk kulturskoleråd*, foreslår at kulturskolen bør inngå i verkeområdet for reglane om skolemiljøet til eleven, i staden for den særlege reguleringsa som er foreslått. Kulturskolerådet meiner at forslaget til reglar om kulturskole er for lite presist som i praksis ikkje sikrar retten barna har til eit godt og trygt læringsmiljø, i og med at forslaget til reglar ikkje seier noko konkret om ansvaret for oppfølging, kva rettar barn og føresette har for å bli høyrde, og konsekvensar ved unnlating. *KS* saknar ei klargjering av korleis forslaget § 26-1 andre ledd om at kulturskolen ikkje skal godta krenkjande oppførsel, og at han skal jobbe førebyggjande, skal gjennomførast i praksis ut frå organiseringa av kulturskolane i kommunane. *KS* skriv at pliktregelen inneber internkontroll og tilsyn. *KS* føreset at risikovurderinga må ta utgangspunkt i kva som er tenleg ut frå lokal organisering av kulturskolen.

Mange av høyringsinstansane har foreslått ytterlegare regulering av kulturskolen enn det

som var på høyring. Fleire ønskjer ei lov- eller forskriftsfestiging av formålet, elevmedverknaden og kompetansekravet frå kulturskolen for dei som skal arbeide i kulturskolen.

Fleire av høyringsinstansane, mellom anna fleire kommunar, *Lier kulturskole*, *Creo* og *Norsk kulturskoleråd* ønskjer å regulere formålet for kulturskolen. Fleire viser til formålet som kjem fram av Meld. St. 18 (2020–2021) *Oppleve, skape, dele — Kunst og kultur for, med og av barn og unge* og foreslår at dette blir lovforankra:

Formålet til kulturskolen er å gi eit undervisningstilbod av høg fagleg og pedagogisk kvalitet til alle barn og unge, uavhengig av kvar dei bur og økonomi. I kulturskolen skal elevane få lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk. Kulturskolen skal òg bidra til å kvalifisere elevar med særleg interesse og motivasjon for opptak i høgare kunstfagleg utdanning. Tilboden skal bidra til danninga barn og unge får, til å fremje respekt for den kulturelle tilhørselen andre har, til bevisstgjering av eigen identitet og til å utvikle evna til kritisk refleksjon.

Kulturskolen er open for personar i alle aldrar, men barn og unge frå 0 til 19 år er primærmålgruppa, og barn i skolealder, til og med vidaregående opplæring, skal prioriterast. Kulturskolen skal vere både ein skoleaktivitet, ein kulturaktivitet og ein fritidsaktivitet. Kulturskolen skal gi elevane moglegheit til å medverke. Elevane skal erfare at dei blir lytta til, at dei har reell innverknad, og at dei kan påverke det som vedkjem dei. Kulturskolen bør vere ein samarbeidande aktør med barnehagen, grunnskoleopplæringa, SFO, anna kulturliv og frivillige aktørar i den enkelte kommunen. Kulturskolen kan vere eit lokalt ressurssenter.

Det er eit mål at alle kulturskolar skal ha eit breiddetilbod og eit kjernetilbod. Nokon kulturskolar i kvart fylke/region kan ta eit særskilt ansvar for fordjupningstilbod og talentutvikling. Ein kulturskole for alle inneber at alle, uavhengig av bakgrunn, kjenner seg velkomne. Kulturskolen bør spegle av mangfaldet i samfunnet gjennom eit breitt samansett tilbod av undervisning, formidling og skapande verksamhet.

Enkelte høyringsinstansar foreslår at det skal setjast krav til kompetanse til den som skal undervise i kulturskolen. *Norsk kulturskoleråd* ønskjer at

det blir sett krav om fagleg, pedagogisk og administrativ kompetent leiing i kulturskolen i lovparagrafen om kulturskolen, og at nærmere krav til kompetanse blir fastsett i forskrift.

*Norsk kulturskoleråd* og *Lier kulturskole* foreslår at elevmedverknad i kulturskolen blir lovforankra, slik som i barnehagen og skolen. Norsk kulturskoleråd viser til Meld. St. 18 (2020–2021) der medverknaden til barn og unge er sentralt element.

I tillegg er det enkelte, mellom anna *Norsk kulturskoleråd*, som foreslår at det bør vere ein forskriftsheimel for kulturskolen, spesielt dersom formålet med kulturskolen ikkje skal regulerast i lova. LO meiner det bør vere reglar om nivået for eigenbetaling og at slike reglar kan fastsetjast i forskrift.

*Skoleleiarforbundet* foreslår at kulturskolen skal inkluderast i kapittel 24 til forslaget om samarbeid mellom skolen og andre tenesteytarar.

## 47.5 Departementets vurdering

### 47.5.1 Krav om kulturskole i opplæringslova

Departementet foreslår å vidareføre plikta for kommunane til å ha eit tilbod om kulturskole.

Ei regulering av kulturskolane i opplæringslova knyter kulturskolen betre saman med grunnskolen, den vidaregåande opplæringa og skolefritidsordninga enn dersom kulturskolen hadde vore regulert på annan måte. Departementet foreslår derfor at plikta til å ha kulturskole og den nærmere reguleringa av dette skal regulerast i opplæringslova.

Departementet foreslår etter innspel frå høyringsinstansane at reglane om kulturskole blir regulerte i eit eige kapittel 26 i lova.

I dagens paragraf er det nemninga musikk- og kulturskole som er nytta. Språkleg sett blir musikk dekt av uttrykket «kultur». I dag blir dei fleste tilboda kalla kulturskolar, sjølv om tilboden til kulturskolen framleis hovudsakleg består av musikkundervisning (82 prosent av tilboden). Ingen av høyringsinstansane har kommentert forslaget om å endre nemninga frå musikk- og kulturskole til kulturskole. Departementet foreslår at den nye paragrafen berre bruker uttrykket kulturskole, utan at dette er meint å utgjere ein realitetsforskjell. Kommunen vil framleis stå fritt til å vedta kva typar kulturaktivitetar som skal tilbydast, og omfanget av dette.

#### **47.5.2 Kulturskolen skal vere organisert i tilknyting til skolen og kulturlivet**

Departementet foreslår at det som i dag skal vere eit krav til at kulturskolen skal vere organisert i tilknyting til skolen og kulturlivet. Enkelte høyringsinstansar foreslår at kulturskolen skal inkluderast i reglane om samarbeid og samordning mellom tenesteytarar. Ifølgje § 24-1 i forslaget skal skolen, skolefritidsordninga og pedagogisk-psykologisk teneste samarbeide med andre tenesteytarar, og tenestetilboda vere samordna. Formålet med regelen er å styrke oppfølginga av utsette barn og unge og familiene deira gjennom auka samarbeid mellom velferdstenestene. Å inkludere kulturskolen i paragrafen om samarbeid og samordningar er ikkje foreslått i høyringsnotatet, og departementet foreslår ikkje å innføre eit slikt krav. Eit slikt krav kunne medføre økonomiske og administrative konsekvensar, som ikkje er greidde ut. Ut frå eigenarten til kulturskolen meiner departementet at det er tilstrekkeleg å vidareføre regelen om at kulturskolen skal vere organisert i tilknyting til skolen og kulturlivet.

#### **47.5.3 Lovfesting av formålet med kulturskolen**

Departementet er samd med dei høyringsinstansane som har påpeika at ein formålsregel kan gi kulturskolen visjonar og mål og gjere tydeleg kva kulturskolen skal vere. Det kan bidra til eit meir likt tilbod over heile landet. Departementet vil også trekke fram at lova inneheld ein formålsregel for både grunnskoleopplæringa, den vidaregåande opplæringa og for skolefritidsordninga. Departementet foreslår derfor ein eigen paragraf i lova om formålet med kulturskolen.

I Meld. St. 18 (2020–2021) vart formålet og verksemda til kulturskolen omtalt slik:

Kulturskolen er ein skoleaktivitet med eit mangfold av kunst- og kulturfag, som trekkjer vekslar på både pedagogiske, didaktiske og kunst- og kulturfaglege tenkjemåtar og praksistar. Kulturskolen er ein kulturaktivitet der det er mogleg for barn og unge å fordjupe seg og utvikle talentet sitt. I tillegg er kulturskolen ein fritidsaktivitet – ein stad der barn og unge kan møte kunst og kunstnarar på ein relativt uforpliktande måte og inngå i sosiale fellesskap med andre med like interesser.

Departementet foreslår følgjande formålsregel om kulturskole:

Kulturskolen skal leggje til rette for at elevane får delta i ulike aktivitetar der dei får lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk, i eit trygt og godt skolemiljø.

Ordet «aktivitet» er nytta for å vise at kulturskoletilbodet ikkje er formell skolegang. Ordet «ulike» er teke inn for å synleggjere at aktivitetane kan vere av svært ulik art, både «skoleaktivitet», «kulturaktivitet» og «fritidsaktivitet», jf. sitatet frå Meld. St. 18 (2020–2021).

Det blir også vist til at kulturskolen skal leggje til rette for at aktivitetane skjer i eit trygt og godt skolemiljø.

I Meld. St. 18 (2020–2021) står det at barn og unge bør ha eit trygt og godt læringsmiljø også medan dei er på kulturskolen og deltek i aktivitetar i regi av kulturskolen. Stortinget har behandla stortingsmeldinga og slutta seg til tiltaka i meldinga i vedtak 1055 frå 8. juni 2021, sjå Innst. 622 S (2020–2021).

Departementet meiner det er viktig at barn og unge har det trygt og godt i kulturskolen, men fordi det er store forskjellar på grunnskolen, den vidaregåande opplæringa og kulturskolen som verksemder bør ikkje dei alminnelege reglane om skolemiljø, sjå forslaget til kapittel 12 i lova og omtalen i punkt 33, gjelde. Det ville medføre omfattande plikter og individuelle rettar for elevar, tilsette og forvaltninga. Det ville vere kostbart og ressurskrevjande, og konsekvensar og effektar er ikkje nærrare greidde ut. For mange kulturskolar, og kanskje særleg små kulturskolar med få elevar og tilsette, ville reglane bli krevjande å følgje opp, ikkje minst fordi oppholdstida til elevane i kulturskolen er svært kort og mange kulturskolar gir undervisning spreidd på mange ulike lokasjoner. Departementet meiner derfor det ikkje er rett eller tenleg at reglane om skolemiljøet til elevane skal gjelde for kulturskolen.

I høringen foreslo departementet å lovfeste at kulturskolen skal arbeide førebyggjande for å sikre at elevane i kulturskolen har eit trygt og godt læringsmiljø og å lovfeste at kulturskolen skal ha nulltoleranse mot krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering.

Departementet meiner det ikkje er nødvendig med så detaljerte reglar for kulturskolen som det departementet foreslo i høyringa. Departementet foreslår at det i den foreslattede paragrafen om formålet til kulturskolen blir vist til at det skal vere eit trygt og godt skolemiljø. Det inneber mellom anna at elevar ikkje blir utsett for krenkingar.

#### **47.5.4 Anna regulering av kulturskolen**

Enkelte høringsinstansar ønskjer å lovfeste ein regel om elevar sin medverknad i kulturskolen. Departementet foreslår ikkje å ta inn ein eigen regel om medverknad i kulturskolen i ny opplæringslov.

Departementet viser til at det blir foreslått ein generell paragraf om medverknad som følgjer opp Grunnlova § 100 om ytringsfridom og § 104 om retten barnet har til medverknad. Etter forslaget til § 10-2 har elevane rett til medverknad i alt som gjeld dei sjølv etter lova. Paragrafen gjeld også for kulturskolen. Det elevane skal medverke til, vil vere snevrare i kulturskolen enn i skolen, fordi tilboda er ulike. Dette kan utleia av at regelen er foreslått å gjelde «alt som gjeld dei sjølv», og dette blir presisert i merknadene til paragrafen. Sjå omtalen av forslaget til § 10-2 i punkt 21.

Departementet foreslår ikkje krav til kompetanse for dei som skal tilsetjast i kulturskolen. Departementet meiner at det å innføre krav om kompetanse kan redusere fleksibiliteten til kulturskolen, og det kan gjere det vanskelegare å finne kvalifiserte lærarar. Vidare vil eit krav om kompetanse ha økonomiske og administrative konsekvensar. Eit forslag om å innføre kompetansekrav for å kunne tilsetjast i kulturskolen var ikkje ein

del av høringsforslaget og vil eventuelt måtte greiaut nærare.

Fleire høringsinstansar foreslo å gi forskriftsheimel, som eit alternativ til ei lovregulering av formål, kompetansekrav og eigenbetaling. Departementet foreslår ein formålsregel, og derfor er det ikkje nødvendig å ha ein forskriftsheimel for formålet med kulturskolen. Vidare blir det ikkje foreslått ein forskriftsheimel for kapasitet og nivå på eigenbetaling, då departementet meiner desse spørsmåla bør overlatast til kommunen å vurdere ut frå dei lokale forholda. Ein forskriftsheimel kan gi forventningar blant kulturskolane om ytterlegare reguleringar, og dette kan auke presset om å detaljregulere kulturskolefeltet.

### **47.6 Departementets forslag**

---

Departementet foreslår

- å videreføre krav om kulturskole i opplæringslova, sjå forslaget til § 26-1
- å ha eit eige kapittel om reglar om kulturskole i opplæringslova, sjå forslaget til kapittel 26
- å endre nemninga frå musikk- og kulturskole til kulturskole, sjå forslaget til § 26-1
- å lovfeste formålet med kulturskolen, sjå forslaget til § 26-2

## **48 Utval, råd, læreplangrupper og klagenemnder som er nemnde opp av staten**

### **48.1 Innleiing**

Dette punktet handlar om kva for nokre rådgivande organ det etter opplæringslova skal vere plikt for staten til å etablere.

Dette punktet handlar også om klagenemnder for fag- og sveineprøvar og plikta til å vere medlem av enkelte organ, råd og nemnder. Yrkesopplæringsnemnda og prøvenemnder blir omtalte i punkt 42.

### **48.2 Dagens reglar**

#### **48.2.1 Noregs folkerettslege forpliktingar**

Noreg har ratifisert konvensjon om yrkesrettleining og yrkesopplæring som ledd i utviklinga av menneskelege ressursar – ILO-konvensjon nr. 142. I artikkkel 5 i konvensjonen står det:

Politikk, retningslinjer og tiltak for yrkesrettleining og yrkesopplæring skal utformes og gjennomføres i samarbeid med arbeidstakernes og arbeidsgivernes organisasjoner, og med andre interesserte organisasjoner når det høver og er i samsvar med nasjonal lov og praksis.

#### **48.2.2 Opplæringslova og forskrifter til opplæringslova**

##### *Innleiing*

I dag gir lova opp desse rådgivande organa:

- Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG)
- Samarbeidsrådet for yrkesopplæring (SRY)
- faglege råd for fag- og yrkesopplæringa
- læreplangrupper for fag med opplæring i bedrift

Klagenemnder for fag- og sveineprøvar er regulerte i § 12-6, og plikta til å vere medlem av enkelte organ, råd og nemnder er regulert i § 12-7. Under følgjer ei nærmere forklaring for dagens regulering av dei ulike organa.

##### *Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG)*

Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG) er regulert i opplæringslova § 11-9, der det kjem fram at utvalet skal ha ein leiar og ein nestleiar i tillegg til fem andre medlemmer, og at utvalet blir nemnt opp av Kongen i statsråd for fire år om gongen. I siste punktum står det at departementet gir nærmere forskrifter om omfanget av og innhaldet i arbeidet til utvalet. I forskrift til opplæringslova § 20-2 er det presisert at FUG er eit sjølvstendig rådgivande organ for departementet som omfattar grunnskolen og videregående trinn 1 (vg1). Det er vidare fastsett at FUG skal arbeide for godt samarbeid mellom skole og heim, og at utvalet skal vareta interessene til foreldra. FUG blir også styrt gjennom årlege budsjett og tildelingsbrev frå Kunnskapsdepartementet.

##### *Samarbeidsrådet for yrkesopplæring (SRY)*

Opplæringslova § 12-1 fastset at departementet skal nemne opp eit organ for samarbeid om fag- og yrkesopplæringa, som skal hjelpe departementet med råd og ta initiativ for å fremje fag- og yrkesopplæringa. Organet, Samarbeidsrådet for yrkesopplæringa (SRY), skal ha representantar for partane i arbeidslivet og departementet.

##### *Faglege råd*

Det følgjer av opplæringslova § 12-2 at departementet skal nemne opp faglege råd for fag- og yrkesopplæringa, slik at kvart fag eller fagområde som kan ha læretid i bedrift, er knytt til eit fagleg råd. Departementet bestemmer kva for nokre faglege råd som skal nemnast opp, storleiken på råda, oppgåvene til råda og kva fagfelt det enkelte rådet skal dekkje, etter forslag frå SRY.

##### *Læreplangrupper*

Departementet skal nemne opp læreplangrupper for fag eller arbeidsområde som har læretid i

bedrift. Dette følger av opplæringslova § 12-5. Læreplangruppene skal hjelpe til i arbeidet med å fastsetje innhaldet i opplæringa. Både arbeidslivet og skolesida skal få delta i dette arbeidet.

### Klagenemnder

Det følger av opplæringslova § 12-6 at departementet skal nemne opp klagenemnder for klager på vedtak om ikkje bestått fag- eller sveineprøve. Det er også fastsett krav til talet på medlemmer og kompetansen til klagenemnda og at det faglege rådet skal gi innstilling før oppnemninga.

I opplæringslova § 3-4 første ledd er departementet gitt heimel til å gi forskrift om vurdering av elevar, lærlingar, praksisbrevkandidatar, lærekandidatar, privatistar og praksiskandidatar og om klage på vurderinga, om eksamen, om fag- og sveineprøve, om praksisbrevprøve og om dokumentasjon. Slik forskrift er fastsett i forskrift til opplæringslova kapittel 5 om klage på vurdering. Her er det gitt reglar om klagenemnder på ei rekke område, mellom anna om skriftleg eksamen, ikkje-skriftleg eksamen og på vurderinga av fag- og sveineprøve, praksisbrevprøve og kompetanseprøve i vidaregående opplæring.

### Plikt til å vere medlem av organ, råd og nemnder

Den som blir nemnt opp eller vald som medlem av organet for samarbeid om fag- og yrkesopplæringa, av faglege råd, av prøvenemnder eller klagenemnder, er etter opplæringslova § 12-7 pliktig til å ta imot vervet. Plikta omfattar ikkje personar som har fylt 60 år. Vidare kan medlemmer krevje seg fritekne frå ny oppnemning i like lang tid som dei har gjort samanhengande teneste. Opplæringslova inneholder ingen sanksjonsmiddel overfor personar som nektar å vere medlem. Det er frivilig deltaking i FUG og i læreplangruppene.

## 48.3 Høyningsforslaget

I høyringa foreslo departementet

- å i hovudsak vidareføre reguleringa av foreldreutvalet i grunnopplæringa (FUG) i den nye lova, men å slå saman dagens lov- og forskriftsreglar til éin lovregel
- å vidareføre regulering i lova om at departementet skal nemne opp Samarbeidsrådet for yrkesopplæringa (SRY), faglege råd og læreplangrupper, men at dette blir fastsett i éin felles paragraf, i motsetning til dagens tre

- å innføre ein heimel for departementet til å fastsetje dei nærmere oppgåvane til organa og samansetning i forskrift
- å vidareføre lovreglar om klagenemnder for ikkje bestått fag- og sveineprøvar
- å ikkje vidareføre den lovfesta plikta til å ta imot verv som medlem av råd eller utval i fag- og yrkesopplæringa

Med desse høyningsforsлага følgde departementet ikkje opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 47 om å ikkje regulere nokre av dei nemnde organa i opplæringslova.

## 48.4 Høyningsinstansanes syn

### 48.4.1 Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG)

I underkant av 10 høyningsinstansar har uttalt seg om forslaget om å i hovudsak vidareføre reguleringa av FUG i den nye lova, men å slå saman dagens lov- og forskriftsreglar til éin lovregel. Alle som har uttalt seg, støttar forslaget. *Trøndelag fylkeskommune* meiner lovforankringa har ein viktig symbolverdi og at det seier noko om viktigeita av samarbeidet mellom foreldre og departementet. *Redd Barna* peikar på at FUG har ei viktig samfunnsrolle både fordi dei gir tips og rettleiing til foreldre om samarbeid mellom heim og skole, og fordi dei gir innspel til utdanningsstyresmaktene om forholdet heim-skole. *FUG* sjølv uttaler at dei er glade for at departementet ser at FUG er eit viktig organ både for foreldra, foreldreråda og for Kunnskapsdepartementet, og dermed foreslår ei framleis regulering at utvalet i lova. Også *Viken fylkeskommune*, *Vestfold fylkeskommune*, *Utdanningsforbundet* og *NHO* støttar forslaget.

*FUG* meiner i tillegg at det bør fastsetjast nasjonale forskriftsreglar som sikrar ei form for direktekopling mellom FUG og lokale FAU/KFU/foreldreråd, slik at FUG i større grad kan fungere som ein paraplyorganisasjon.

### 48.4.2 Samarbeidsrådet for yrkesopplæring (SRY), faglege råd for fag- og yrkesopplæringa og læreplangrupper for fag eller arbeidsområde som har læretid i bedrift

I overkant av 20 høyningsinstansar har uttalt seg om forslaget om å vidareføre regulering i lova om at departementet skal nemne opp Samarbeidsrådet for yrkesopplæringa (SRY), fagleg råd og læreplangrupper, men at dette blir fastsett i éin fel-

les paragraf, i motsetning til dagens tre paragrafer. Dei aller fleste som har uttalt seg, støttar forslaget heilt eller delvis, inkludert enkelte fylkeskommunar, fleire faglege råd, *LO, NHO, Spekter, Virke, Utdanningsforbundet og El og IT Forbundet*. Berre ein høringsinstans, ein vidaregåande skole, støttar ikkje forslaget.

KS uttaler at

Dersom organ knyttet til fag og yrkesopplæringen skal reguleres i opplæringsloven, støtter KS forenklingen som er foreslått ved at det tas inn regler om organer, men at oppgaver reguleres i forskrift, noe som etter KS mening vil være i tråd med lovutvalgets synspunkter på forholdet mellom lov og forskrift.

*Sametinget* skriv

De faglige rådene er rådgivende organ for statlige utdanningsmyndigheter, og har stor påvirkning også for samiskrelaterte fagområder i videregående opplæring. Direktoratet oppnevner medlemmer til Samarbeidsrådet for yrkesopplæring (SRY) og de faglige rådene i henhold til § 12-1 i gjeldende opplæringslov. På bakgrunn av samisk innhold i skolen og Sametingets fastsettelsesmyndighet innenfor læreplanutvikling, bør sammensetningen i disse rådene sikres samisk fagkompetanse. Sametinget mener at det er naturlig at Sametinget har en rolle i utnevning av de faglige rådene og Samarbeidsrådet for yrkesopplæring (SRY).

Høringsforslaget inkluderte også ein forskriftsheimel for departementet til å fastsetje samansettninga og oppgåvene til organa. I underkant av ti høringsinstansar har uttalt seg om denne delen av forslaget, og alle støttar det.

#### 48.4.3 Klagenemnder

Omtrent 15 høringsinstansar har uttalt seg om forslaget om å vidareføre lovreglar om klagenemnder for ikkje bestått fag- og sveineprøvar. Alle som har uttalt seg, støttar forslaget heilt eller delvis, inkludert enkelte fylkeskommunar, enkelte faglege råd, *LO, EL og IT forbundet, NHO, Byggenærings Landsforbund, Entreprenørforeningen-Bygg og anlegg og Utdanningsforbundet*.

*Faglig råd for elektro og data teknologi* meiner minst to av medlemmene skal ha fagutdanning «i aktuelt lærefag ...». *EL og IT Forbundet* har liknande innspel og meiner at minst to av medlemmene skal vere yrkesaktive og ha fagutdanning i

aktuelt lærefag. *Faglig råd for informasjonsteknologi og medieproduksjon* meiner at også prøvenemndenes oppgåver og formelle rolle bør lovfestast.

#### 48.4.4 Plikt til å vere medlem av organ, råd og nemnder

I underkant av ti høringsinstansar har uttalt seg om høringsforslaget om å ikkje vidareføre den lovfesta plikta til å ta imot verv som medlem av råd eller utval i fag- og yrkesopplæringa. *NHO, Utdanningsforbundet, Byggenærings Landsforening og Entreprenørforeningen- Bygg og anlegg* støttar forslaget. *Faglig råd for elektro og data teknologi* støttar ikkje forslaget. Det gjer heller ikkje *EL og IT Forbundet*, som meiner det er viktig å vidareføre plikta til å ta imot verv, då det utløyser rett til permisjon frå arbeidsgivar.

### 48.5 Departementets vurdering

#### 48.5.1 Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG)

Opplæringslovutvalet foreslo å ikkje vidareføre lovreguleringa av FUG og meinte at departementet kan nemne opp FUG og styre det gjennom budsjett og tildelingsbrev, utan at utnemninga av FUG treng å vere regulert i lova. Departementet er i utgangspunktet samd med utvalet i at departementet kan nemne opp FUG og styre det gjennom budsjett og tildelingsbrev, utan at utnemninga av FUG treng å vere regulert i lova. Sjølv utan at FUG var lovregulert, ville Stortinget hatt noko å gjere med utvalet gjennom at det er ein post på statsbudsjettet.

Departementet meiner likevel at lovforankringa gjer tydeleg at FUG er eit viktig organ både for foreldra, foreldreråda og for Kunnskapsdepartementet. Departementet foreslår derfor å vidareføre lovreglar om FUG, noko som blir støtta av alle høringsinstansane som har uttalt seg om forslaget.

Departementet foreslår, i tråd med høringsforslaget, at det skal vere departementet, og ikkje Kongen i statsråd slik som i dag, som skal nemne opp FUG. Dette har litra innhaldsmessig betydning, men bidreg til mindre byråkrati.

I tråd med høringsforslaget foreslår departementet å ikkje vidareføre dagens forskriftsreglar og forskriftsheimel, men heller samle reguleringa av FUG i éin paragraf utan tilhøyrande forskriftsreglar. Dagens forskriftsreglar er ikkje detaljerte, noko departementet heller ikkje ser behov for at dei treng å vere. Det synest tilstrekkeleg at FUG

er regulert i lova. Departementet foreslår at innhaldet i dagens forskrift § 20-2 i hovudsak blir vidareført i den nye lovparagrafen, sjá forslaget til § 10-9.

Departementet har merka seg *FUGs* høyingsinnspele om at det bør fastsetjast nasjonale forskriftsreglar som sikrar ei form for direktekoppling mellom FUG og lokale råd og brukarorgan. Departementet ønskjer ikkje detaljerte reglar om *FUGs* eventuelle kopling til og samarbeid med andre organ for foreldreinteresser og ser ikkje grunn til å foreslå ein heimel i lova for slike forskriftsreglar.

Departementet meiner det er grunn til å sjá *FUG* og Foreldreutvalget for barnehagen (FUB) i samanheng. I dag er *FUG* lovregulert, medan *FUB* ikkje er det. Departementet vil vurdere om det er tenleg at også *FUB* blir lovregulert.

#### **48.5.2 Samarbeidsrådet for yrkesopplæring (SRY), faglege råd for fag- og yrkesopplæringa og læreplangrupper for fag eller arbeidsområde som har læretid i bedrift**

Departementet meiner at det er viktig å sikre at det konvensjonspålagde samarbeidet om yrkesopplæring blir organisert på ein måte som er tilfredsstillande for alle partar. Partane i arbeidslivet tek i dag eit stort ansvar for fag- og yrkesopplæringa ved at arbeidslivet står for opplæringa av alle lærlingar og andre som har læretid i bedrift. Arbeidslivet har ei sterkt interesse i innhaldet og kvaliteten på den kompetansen lærlingane har etter fag- eller sveineprøve, fordi det er mottakar av dei ferdige fagarbeidarane. Arbeidslivet har også ei vesentleg interesse i at tilgangen på faglært arbeidskraft er tilpassa behovet i arbeidslivet. Partane har dermed eit sterkt eigarskap til fag- og yrkesopplæringa. I tillegg til bidraget frå partane og interessa deira i fag- og yrkesopplæringa, baserer eigarskapen seg på den sterke historiske tilknytinga partane har til fag- og yrkesopplæringa, som tidlegare var styrt og finansiert av arbeidslivet sjølv.

I høyringa av opplæringslovutvalets NOU 2019: 23 vart forslaget frå utvalet om å fjerne lovfestinga av SRY, faglege råd for fag- og yrkesopplæringa og læreplangrupper for fag eller arbeidsområde som har læretid i bedrift, kritisert av fleire høyingsinstansar.

Høyingsforslaget om ikkje å gå vidare med forslaget frå opplæringslovutvalet om deregulering, men å i hovudsak vidareføre dagens reglar om Samarbeidsrådet for yrkesopplæring (SRY),

faglege råd og læreplangrupper i éin felles paragraf, har fått god støtte av høyingsinstansane. Departementet opprettheld forslaget. Departementet har i vurderinga lagt vekt på at partane har ein sterkt eigarskap til fag- og yrkesopplæringa, og at det viktig å sikre at samarbeidet blir organisert på ein måte som er tilfredsstillande for partane, noko høyingsforslaget varetok. Lovforslaget inkluderer ein heimel for departementet til å gi nærmare reglar om samansetninga til organa og oppgåver i forskrift.

Sametinget har spelt inn at det er naturleg at det har ei rolle i oppnemning av dei faglege råda og SRY. Departementet meiner det er viktig at Sametinget har reell innverknad i saker som vedkjem samiske interesser. Medverknadsrolla Sametinget har i SRY og dei faglege råda, kan sikrast ved å gå gjennom og vurdere prosedyrane og rutinane i oppnemningsprosessen. Medverknadsrolla kan også gjerast tydeleg i regelverket, anten i lova eller i forskrifter. Departementet meiner reglane bør endrast slik at Sametinget skal kunne nemne opp samisk representasjon til faglege råd for utdanningsprogram i vidaregåande opplæring som har særskilde samiske fag. Med lovforslaget om ein overordna regel i lova, og meir detaljerte reglar i forskrift, er det naturleg at dette blir regulert i forskrifter. Departementet vurderer derfor ikkje detaljane i ein slik regel i denne lovproposisjonen.

#### **48.5.3 Klagenemnder**

Opplæringslova regulerer i dag oppnemninga og samansetninga av klagenemnder som skal behandle klager på vedtak om ikkje beståtte fag- eller sveineprøvar. Opplæringslovutvalet foreslo at reglane om desse klagenemndene ikkje lenger burde vere regulerte i lov, men heller bli fastsette i forskrift. I høyringa foreslo departementet å vidareføre lovreglane, under tilvising til høyingsinnspele til NOU 2019: 23.

Departementet er i utgangspunktet samd med utvalet i at det ikkje er nødvendig å ha reglar om klagenemnd for fag- og sveineprøvane i lova, og at samanhengen i regelverket kan tilseie at reglane om dette bør leggjast til forskrift saman med resten av reglane om klager på vurdering. Alle høyingsinstansane som har uttalt seg om høyingsforslaget, støttar likevel lovregulering. Departementet er oppteke av å ha reglar om fag- og yrkesopplæringa som partane i arbeidslivet kan slutta seg til. Departementet foreslår derfor å vidareføre at reglane om klagenemnder for ikkje

bestårte fag- og sveineprøvar skal vere regulerte i lov.

Enkelte høringsinstansar ønsker at lovreglane skal presisere at to av medlemmene skal ha fagutdanning *i det aktuelle lærefaget*. I høyringa vart det foreslått å vidareføre dagens reglar om at «to av medlemmene skal ha fagutdanning». Departementet føreset at nemndene blir sett saman med siktet på at medlemmene har relevant fagutdanning, og ser ikkje grunn til å lovfeste dette meir konkret enn i dag.

#### **48.5.4 Plikt til å vere medlem av organ, råd og nemnder**

Departementet foreslår at det ikkje lenger skal vere ei plikt å ta imot verv som medlem av bestemte råd, utval eller nemnder.

Departementet ser ikkje behov for å lovfeste ei plikt til å få verv som medlem av råd, utval eller nemnder i fagopplæringa. Å tvinge nokon som ikkje ønsker eit slikt verv, til å delta vil ikkje vere tenleg for samarbeidet mellom styresmaktene og partane i arbeidslivet. Ei slik lovfesta plikt bør derfor ikkje førast vidare.

#### **48.6 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å i hovudsak vidareføre reguleringa av foreldreutvalet i grunnoplæringa (FUG) i den nye lova, men å slå saman dagens lov- og forskriftsreglar til éin lovregel, sjå forslaget til § 10-9
- å vidareføre regulering i lova om at departementet skal nemne opp Samarbeidsrådet for yrkesopplæring (SRY), faglege råd og læreplangrupper, men at dette blir fastsett i éin felles paragraf, i motsetning til dagens tre. Forslaget inkluderer å innføre ein heimel for departementet til å fastsetje dei nærmere oppgåvene til organa og samansettning i forskrift. Sjå forslaget til § 8-1
- å vidareføre lovreglar om klagenemnder for ikkje bestårte fag- og sveineprøvar, sjå forslaget til § 8-3
- å ikkje vidareføre plikta til å ta imot verv som medlem av råd eller utval i fag- og yrkesopplæringsa

## **49 Privatistar, praksiskandidatar, godkjenning av utanlandsk fagopplæring og mellomstatlege avtalar om private vidaregåande skolar**

### **49.1 Innleiing**

Dette punktet handlar om reglar om privatistar, praksiskandidatar, godkjenning av utanlandsk fagopplæring og mellomstatlege avtalar om private vidaregåande skolar. Alle emna har tilknyting til den vidaregåande opplæringa. Privatistordninga er også aktuell på grunnskolenivå.

### **49.2 Dagens reglar**

#### **49.2.1 Privatistar**

Det kjem fram av opplæringslova §§ 2-3 (grunnskolen) og 3-4 (vidaregående opplæring) at departementet gir forskrift om mellom anna vurdering av privatistar. Opplæringslova føreset derfor at det kan vere privatistar både i grunnskolen og i vidaregående opplæring.

Ordet «privatist» er ikke tydeleg definert i dagens reglar, men det kjem fram av forskrift til opplæringslova §§ 3-24 og 4-16 at ein privatist er ein som sjølv melder seg til eksamen utan å vere elev, deltakar, lærling eller praksisbrevkandidat i faget. Ut frå ordlyden og kapittelpllasseringa kan ein slutte seg til at privatisteksamen i grunnskolen berre er mogleg for dei som har rett til grunnskoleopplæring for vaksne. Det betyr at barn i opplæringspliktig alder ikke kan ta privatisteksamen i grunnskolen, verken som erstatning for å følge opplæringa som elev eller for å forbetre karakterane sine.

#### **49.2.2 Praksiskandidatar**

Etter opplæringslova § 3-5 er det mogleg å ta fag- eller sveineprøven på grunnlag av allsidig praksis i faget som er 25 prosent lengre enn den fastsette læreretida. Dette blir kalla «praksiskandidatordninga» i andre paragrafar i lov og forskrift, sjølv om denne nemninga ikke er brukt i § 3-5.

Dersom det er fastsett i læreplanverket, må praksiskandidaten først bestå ein særleg eksamen

for å kunne melde seg opp til fag- eller sveineprøven. Dette følger av forskrift til opplæringslova § 3-47 tredje ledd. Eksamelen er utarbeidd av Utdanningsdirektoratet etter vg3-læreplanen for lærefaget. Praksiskandidatar treng derimot ikke å ha bestått fellesfaga (norsk, engelsk, matematikk, naturfag, samfunnsfag og historie) for å få fag- eller sveinebrev.

Det er fylkeskommunane som avgjer om den praksisen kandidaten viser til, kan godkjennast, og i særleie tilfelle kan det godkjennast kortare praksis, jf. opplæringslova § 3-5. Praksiskravet kan dessutan avkortast mot tidlegare skolegang på same måte som læreretid kan det, jf. forskrift til opplæringslova kapittel 11.

#### **49.2.3 Godkjenning av utanlandsk fagopplæring**

Fag- eller yrkesopplæring frå eit anna land kan godkjennast som sidestilt med eit norsk fag- eller sveinebrev eller vitnemål, jf. opplæringslova §§ 3-4 a, 3-4 b og 3-4 c. Dette krev at opplæringa «har same nivå og omfang som den norske vidaregåande opplæringa, og inneholder mange av dei vesentlege elementa i det aktuelle faget».

Departementet er gitt heimel til å gi forskrift om vilkår for godkjenning, saksbehandling og klag, jf. § 3-4 a siste ledd. Forskriftsheimelen er per i dag berre brukt til å gi reglar om klagenemnd for vedtak i saker om godkjenning, jf. forskrift til opplæringslova § 11-7. Slik klagenemnd er til nå ikke blitt oppnevnt.

#### **49.2.4 Mellomstatlege avtalar om private vidaregåande skolar**

Etter opplæringslova § 3-11 kan departementet godkjenne private vidaregåande skolar når det ligg føre ein avtale mellom Noreg og ein annan stat om oppretting av tilbodet. I samband med godkjenninga kan departementet gjere unntak frå

krava i opplæringslova med tilhøyrande forskrifter, jf. § 3-11 andre punktum.

### 49.3 Høyningsforslaget

I høyringa foreslo departementet

- å lovregulere ein definisjon av privatist og å gjere tydeleg i lova kven som kan vere privatist
- å vidareføre reglane om og nemninga praksiskandidat
- å i hovudsak vidareføre godkjenningsordninga for utanlandsk fagopplæring, med enkelte justeringar som følgde av høyningsnotat 1. juli 2021 (og seinare Prop. 74 L (2021–2022) og lovendring i kraft 1. januar 2023)
- å vidareføre tilgangen til å godkjenne private vidaregåande skolar med utgangspunkt i mellomstatlege avtalar, inkludert reglane om at det i godkjenningsvedtaket kan gjerast unntak frå krava i lov og forskrift
- å regulere når godkjenninga til private vidaregåande skolar med utgangspunkt i mellomstatlege avtalar som ikkje er i drift, fell bort

Med desse høyningsforslaga følgde departementet delvis opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 46. Utvalet foreslo å endre nemninga «praksiskandidat» til «privatist til fag- og sveineprøve». Dei andre forslaga i strekpunkta over er i hovudsak i tråd med forslaget frå utvalet.

### 49.4 Høyningsinstansane syn

Omtrent ti høyningsinstansar, inkludert enkelte fylkeskommunar og NHO, har gitt innspel til høyningsforslaget om å lovfeste definisjonen av privatist og å gjere det tydeleg i lova kven som kan vere privatist, og alle støttar forslaget.

I underkant av 20 høyningsinstansar har gitt innspel til høyningsforslaget om å vidareføre nemninga «praksiskandidat», og alle støttar forslaget heilt eller delvis, inkludert enkelte fylkeskommunar og *Utdanningsforbundet. Faglig råd for elektro og datateknologi* meiner dagens regel om at ein skal ha allsidig praksis i lærefaget, med tilvising til læretida, må førast vidare, og foreslår at ny lovtekst bør vere: «Det er mogleg å ta fag- og sveineprøva på grunnlag av allsidig praksis i lærefaget som er 25 prosent lengre enn den fastsette læretida». *Entreprenørforeningen Bygg og anlegg, Byggenærings Landsforening, NHO, LO og NELFO* meiner at det må komme fram tydelegare av lova at den allsidige praksisen må relatere seg til det

faget kandidaten skal melde seg opp til fag- eller sveineprøve i. *EL og IT Forbundet* meiner mellom anna at det bør stå i lova kva eksamenar som må beståast for å fylle kravet til allsidig praksis, eventuelt at det blir utarbeidd forskrifter på området.

Omtrent 15 høyningsinstansar har gitt innspel til høyningsforslaget om å vidareføre paragrafene om godkjennning av utanlandsk fag- og yrkesopplæring. Ellevne av desse støttar forslaget heilt eller delvis. Mellom anna *LO* og *EL og IT Forbundet* lurer på forholdet til lov og forskrift om godkjennning av yrkeskvalifikasjonar og noterer at det er eigne reglar for lovregulerte fag. Det som blir foreslått i lovforslaget, er generelt og vil skape ei oppfatning av at reglane er like for regulerte og uregulerte yrke. *NOKUT* vil mellom anna ha eit nytt ledd om plikt til å politimelde søknader med falske dokument/opplysningar. *NOKUT* har også innspel til vilkåra for godkjennning og innhaldet i regelen.

Berre nokre få høyningsinstansar har gitt innspel til høyningsforslaga relaterte til private vidaregåande skolar med utgangspunkt i mellomstatlege avtalar. Alle støttar forslaga.

### 49.5 Departementets vurdering

#### 49.5.1 Privatistar

Det er mange som av ulike årsaker vel å dokumentere kompetansen sin gjennom privatisteksamenar. Dagens lov regulerer likevel berre privastordninga indirekte, ved at det er gitt ein forskriftsheimel om privatistar.

Departementet foreslår, i tråd med høyningsforslaget, å innføre ein definisjon av privatistar i lova.

Som i høyningsforslaget foreslår departementet også å lovfeste den overordna regelen om at barn i opplæringspliktig alder ikkje kan ta grunnskoleeksamen som privatist. Resten av vilkåra for å kunne melde seg til privatisteksamen blir foreslått regulerte i forskrift slik som etter dagens reglar. Sjå nærmare om forskriftsheimel for individuell vurdering i punkt 11.

Departementet meiner at paragrafen om privatistar bør plasserast i lovas sjette del om privat opplæring, godkjenningsordningar og privastordningar. Dette vil gjere det tydeleg at privastordninga ikkje er ei opplæringsordning.

Departementet foreslår at definisjonen av kven som er privatistar skal vere dei som har meldt seg til eksamen utan å delta i opplæring i faget. Med «opplæring i faget» blir det sikta til opplæring som blir gitt etter opplæringslova med

forskrifter. Andre former for opplærings- eller kurstilbod, til dømes ved private vidaregåande skolar utan eksamensrett, blir derfor ikkje rekna for å utgjere «opplæring i faget» etter lova.

#### 49.5.2 Praksiskandidatar

Praksiskandidatordninga er ikkje ei opplæringsordning, men ei dokumentasjonsordning som gjer det mogleg å melde seg opp til fag- eller sveineprøve utan å ha delteke i opplæring i skole eller bedrift. Det vart ikkje foreslått endringar i praksiskandidatordninga i NOU 2019: 25 *Med rett til å mestre – Struktur og innhold i vidaregående opplæring*. I kunnskapsgrunnlaget som vart overlevert i NOU 2018: 15 *Kvalifisert, forberedt og motivert – Et kunnskapsgrunnlag om struktur og innhold i vidaregående opplæring*, vart ordninga mellom anna omtalt slik i kapittel 9.5.2:

Ordningen har eksistert siden 1952 og ble før omtalt som § 20-ordningen, etter paragrafen i den tidligere lov om fagopplæringen i arbeidslivet der ordningen var hjemlet. Antallet som tar fagbrev gjennom praksiskandidatordninga har vært høyt og økende i de siste årene, og er den klart viktigste veien til fagbrev for voksne.

Opplæringslovutvalet meinte nemninga praksiskandidatordninga kan gi assosiasjonar til eit opplæringsløp, og at det er meir naturleg å sjå på ordninga som ei form for privatistordning. Utvalet foreslo derfor å endre nemninga frå «praksiskandidat» til «privatist til fag- og sveineprøve». Departementet foreslo likevel i høyringa å vidareføre dagens omgrep, under tilvising til at forslaget frå utvalet hadde fått variert mottaking. Dei som ikkje støtta forslaget frå utvalet, peika mellom anna på at dagens nemning er godt innarbeidd, at uttrykket privatist til fag- og sveineprøve kan gi feiloppmeldingar, og at det i realiteten er mange som tek komprimerte opplæringstilbod før dei melder seg opp.

Departementet foreslår å behalde dagens nemning. Nemninga praksiskandidat er i dag godt innarbeidd, og ordet praksis – som er det sentrale i ordninga – er ein del av nemninga. Praksiskandidatane har ei anna tilnærming og tilknyting til eige fag enn privatistar som kan velje sjølvstudium fram til ein eksamen. Departementet foreslår derfor at dei framleis skal kallast praksiskandidatar, og at dette blir ny overskrift for paragrafen, sjå forslag til § 23-2. Ettersom det verken krevst opplæ-

ring i skole eller bedrift, meiner departementet likevel at paragrafen bør plasserast i lovas sjette del om privat opplæring og godkjennings- og privatistordningar, ikkje i kapittel 7 om opplæring i bedrift. Dette er i tråd med høyringsforslaget.

For å melde seg opp til fag- eller sveineprøve som praksiskandidat må ein ha allsidig praksis som er 25 prosent lengre enn den fastsette læretida. Med ordet læretid siktar dagens regel til all den vidaregåande opplæringa som i tråd med læreplanverket normalt finn stad før fag- eller sveineprøven. Det siktar også til verdiskapingstida i lærebedrift. Ved fireårige opplæringsløp som følgjer 2+2-modellen, må praksis derfor ha vart minst fem år samanlagt. Departementet ser at dagens regel kan misforståast, ettersom ordet læretid normalt blir brukt om den tida ein lærling har i lærebedrift, på bakgrunn av inngått kontrakt om opplæring. Departementet foreslår derfor å klargjere i lova at det er opplæringsløpet som er fastsett for lærefaget det skal takast utgangspunkt i, slik at det er tydeleg at kravet til allsidig praksis skal bereknast ut frå dette.

Enkelte høyringsinstansar gav innspel om at ordlyden i høyringsforslaget ikkje gir tilstrekkeleg uttrykk for at den allsidige praksisen må relatere seg til det faget kandidaten skal melde seg opp til fag- eller sveineprøve i. Departementet er samd i at dette kan komme tydelegare fram enn i høyringsforslaget, og foreslår derfor ei justering i ordlyden, sjå forslaget til § 23-2. Med omgrepet «allsidig praksis» meiner departementet at praksisen må dekkje dei mest vesentlege delane av vg3-læreplanen i faget.

*EL og IT Forbundet* meiner at det bør stå i lova kva eksamenar som må beståast for å fylle kravet til allsidig praksis, eventuelt at det blir utarbeidd forskrifter på området. Som påpeika i punkt 49.2.2 om dagens reglar, må praksiskandidaten først bestå ein særleg eksamen for å kunne melde seg opp til fag- eller sveineprøven, dersom det er fastsett i læreplanverket. Dette følgjer av reglane i dagens forskrift. Departementet meiner dagens regulering av dette i læreplanverket, jf. forskrift til opplæringslova, er tilstrekkeleg.

Departementet foreslår også å vidareføre dagens regel om at fylkeskommunen avgjer om praksisen kan godkjennast, og at fylkeskommunen i særlege tilfellet kan godkjenne kortare praksis.

Reglar om vurdering, dokumentasjon og godskriving blir foreslått fastsette i forskrift slik som i dag, sjå punkt 11.

### **49.5.3 Godkjenning av utanlandsk fag- og yrkesopplæring**

Departementet foreslår å i hovudsak vidareføre dagens reglar, inkludert ein vid forskriftsheimel, inntil moglege endringar av godkjenningsordninga er avklart.

Godkjenningsordninga har vorte gradvis utvida sidan ho vart innført ved lovendring i 2016. Frå starten var oppgåva med å behandle slike søknader delegert frå departementet til NOKUT. Alle godkjenningsordningar for utenlandsk utdanning blei frå 1. januar 2023 flytta frå NOKUT til Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir).

NOKUT sende i 2019 ein erfaringsrapport om godkjenningsordninga til Kunnskapsdepartementet. På bakgrunn av denne gav departementet NOKUT i oppdrag å opprette ei arbeidsgruppe som skulle vurdere om godkjenningsordninga bør justerast eller utvidast. Arbeidsgruppa, med representantar frå Samarbeidsrådet for yrkesopplæring (SRY), dei faglege råda for fag- og yrkesopplæringa, Utdanningsdirektoratet, Kunnskapsdepartementet og NOKUT, sende over tilrådingane sine til departementet i desember 2020. Arbeidsgruppa tilrådde å vidareføre godkjenningsordninga med enkelte mindre justeringar. Mellom anna tilrådde gruppa at ordninga blir forskriftsregulert i større grad enn i dag. Derfor gav departementet, hausten 2022, i oppdrag til NOKUT (flytta til HK-dir frå 1. januar 2023) å utarbeide utkast til høyringsnotat med forslag til slike forskriftsreglar.

Ei vidareføring og vidareutvikling av godkjenningsordninga er omtalt i Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. Som del av oppfølginga av tiltaka i meldinga vil departementet framover vurdere om det er grunn til å endre lova og forskrifta.

Departementet foreslår å vidareføre innhaldet i dagens i § 3-4 c om personopplysningar som tok til å gjelde 1. august 2021, sjå Prop. 111 L (2020–2021). Departementet viser til vurderingane som der er gjorde, mellom anna om automatiserte avgjerder.

Departementet forslår vidare å følgje opp høyringsinnspeila om å innføre eit nytt ledd om plikt til å politimelde søknader med falske dokument/opplysningar.

Departementet vil påpeike at reglane gjeld godkjenning av utdanning og ikkje yrkesgodkjenning etter yrkeskvalifikasjonslova. Etter reglane kan ein få utdanninga si godkjent, noko som inneber at opplæringa blir sidestilt med norsk fag-

eller sveinebrev eller vitnemål. Reglane kan ikkje samanliknast med yrkesgodkjenning etter yrkeskvalifikasjonslova eller forskrift om godkjenning av yrkeskvalifikasjonar. Det regelverket gjeld for godkjenning for regulerte yrke, det vil seie yrke der styresmaktene krev minimumskvalifikasjonar for retten til å nytte yrkestittel og/eller tilgang til yrkesutøving i medhald av lov eller forskrift. Etter yrkeskvalifikasjonslova og tilhøyrande forskrift skal ein sjå på yrkeserfaring, realkompetanse og formell utdanning (lengd) samla, og gjennomføre ei heilskapsvurdering før ein godkjenner ein yrkesutøvar.

### **49.5.4 Mogleg å godkjenne skolar på grunnlag av mellomstatlege avtalar om private vidaregåande skolar**

Departementet meiner det er viktig å vidareføre moglegheita til å godkjenne skolar med utgangspunkt i mellomstatlege avtalar. Formålet med regelen er å leggje til rette for tverrkulturelle tilbod som kan medverke til internasjonalt samarbeid innanfor kultur, språk, utdanning og næringsliv.

Skolar med slikt godkjenningsgrunnlag kan tilby opplæring etter læreplanar som er baserte på ein kombinasjon av to eller fleire nasjonale læreplanar. Etter fullført skolegang vil elevane kunne få både eit norsk vitnemål og vitnemål frå eitt eller fleire andre land, avhengig av kva opplæring eleven har fått. Det blir likevel ikkje stilt krav om at opplæringa må føre fram til norsk vitnemål.

Dagens godkjenningsordning inneber at reglane i opplæringslova og forskriftene vil gjelde dersom det ikkje er gjort unntak for dei i godkjenningsvedtaket. Om det vil vere mest oversiktleg å fastsetje kva delar av regelverket som *skal gjelde*, eller kva delar som *ikkje skal gjelde*, vil avhenge av kor mykje av regelverket som skal leggjast til grunn. Opplæringslovutvalet foreslo at reglane skulle leggje opp til at det i vedtaket skal fastsettast kva reglar som *skal gjelde*, medan høyringsforslaget frå departementet innebar at reglane skulle leggje opp til at det i vedtaket skal fastsettast kva reglar som *ikkje skal gjelde*. Opplæringslova med forskrifter er relativt omfattande. Det kan oppstå situasjonar der det er tvil om kva som er fastsett i vedtaket. Etter vurderinga til departementet er det derfor meir tenleg at det tydeleg kjem fram av vedtaket dersom delar av regelverket *ikkje skal gjelde*. Dette vil sikre at rettane til elevane blir vurderte og blir gjorde tydelege i tilstrekkeleg grad. Departementet foreslår derfor å

gå vidare med løysinga i høyringsforslaget, som også er i tråd med dagens reglar.

Forslaget inneber, som i dag, ei vid moglegheit for departementet til å kunne gjere unntak frå lov og forskrift i samband med godkjenninga. Formålet med regelen tilseier at det vil vere tale om eit fåtal godkjenningar, og det er grunn til å tru at det vil vere ulike behov for tilpassingar av regelverket. Departementet meiner derfor det framleis bør vere ei vid moglegheit til å fastsetje unntak frå regelverket i vedtaket om godkjenning.

Det er i dag ingen reglar om bortfall av godkjenning. Departementet foreslår at dette blir likt regulert som for private grunnskolar godkjende etter opplæringslova og privatskolar godkjende etter privatskolelova, sjå omtale i punkt 65 for private grunnskolar og privatskolelova § 2-1 femte ledd for privatskolar godkjende etter denne lova. Den mellomstatlege avtalen kan framleis gjelde sjølv om godkjenninga til skolen har falle bort. I slike tilfelle må det gjerast eit nytt vedtak om godkjenning for å starte ein skole med utgangspunkt i avtalen.

## **49.6 Departementets forslag**

---

Departementet foreslår

- å lovregulere ein definisjon av privatist og å gjere tydeleg i lova kven som kan vere privatist, sjå forslaget til § 23-1
- å vidareføre reglane om og nemninga praksiskandidat, sjå forslaget til § 23-2
- å i hovudsak vidareføre godkjenningsordninga for utanlandsk fagopplæring, med enkelte justeringar, sjå forslaget til §§ 23-3 og 23-4
- å innføre ei plikt til å politimelde søknader med falske dokument, sjå forslaget til § 23-4 fjerde ledd
- å vidareføre moglegheita til å godkjenne private vidaregåande skolar med utgangspunkt i mellomstatlege avtalar, inkludert reglane om at det i godkjenningsvedtaket kan gjerast unntak frå krava i lov og forskrift, sjå forslaget til § 22-1 andre ledd
- å regulere når godkjenninga til private vidaregåande skolar med utgangspunkt i mellomstatlege avtalar som ikkje er i drift, fell bort, sjå forslaget til § 22-1 tredje ledd

## 50 Personale i skolen

### 50.1 Innleiing

Dette punktet handlar om krav til leiinga og personalet i skolen. I dag er det fastsett krav til leiinga i skolen i opplæringslova § 9-1 og krav til personalet i kapittel 10 i lova. Reglar om kontaktlærar finst i opplæringslova § 8-2 andre ledd. Krava i opplæringslova må sjåast i samanheng med dei meir detaljerte krava til kompetanse for å kunne tilsetjast i undervisningsstilling og krava til kompetanse for å kunne undervise i fag i kapittel 14 i dagens forskrift til opplæringslova.

Punktet handlar også om reglar om utlysing og val mellom søkjrarar ved tilsetting av personale i skolen, om krav til undervisningspersonale ved leirskolar og om tariffavtalar om lønns- og arbeidsvilkår. Punktet handlar også om bruk av vikarar og om behovet for å stille krav om andre yrkesgrupper i skolen, mellom anna helsejukepleiar.

I punkt 25 om individuell tilrettelegging blir det omtalt forslag om høvet til å gjere unntak frå kompetansekraava for dei som skal gi individuelt tilrettelagd opplæring.

Som påpeika i vurderinga til departementet under punkt 50.5.3 under, bruker dagens lov omgrepene «undervisningsstilling» om dei som er tilsette for å gi opplæring (både fast og mellombels tilsette). I høyringsforslaget vart i hovudsak omgrepene «lærarstilling» brukt om det same. I presentasjonen av dagens reglar vil omgrepene «undervisningsstilling» bli brukt, medan omgrepene «lærarstilling» blir brukt i vurderingane og forslaga frå departementet.

I punkt 50.5.12, vurderar departementet også følgjande oppmodingsvedtak frå Stortinget:

Vedtak nr. 900, 13. juni 2017: Lærarar med fordjuping i spesialpedagogikk:

Stortinget ber regjeringen i samråd med sektoren se til at alle skoler skal ha tilgang på lærere med fordypning innen spesialpedagogikk.

Vedtak nr. 901, 13. juni 2017: Rett til spesialundervisning av fagpersonar:

Stortinget ber regjeringen sikre at alle elever med behov for spesialundervisning får rett til opplæring av fagpersoner med godkjent relevant utdanning.

Vedtak nr. 903, 13. juni 2017: Spesialundervisning og lærarkompetanse

Stortinget ber regjeringen legge frem en plan for at alle elever med behov for spesialundervisning får opplæring av fagpersoner med pedagogisk eller spesialpedagogisk kompetanse.

### 50.2 Dagens reglar

#### 50.2.1 Generelle krav til kompetanse og kompetanseutvikling

Dei generelle krava til kompetanse og kompetanseutvikling i skolen kjem fram av opplæringslova § 10-8. Ifølgje paragrafen har skoleeigaren ansvaret for å ha rett og nødvendig kompetanse i verksamda. Vidare skal skoleeigaren sørge for at lærarar, rektorar og andre tilsette i skolen får høve til å utvikle seg fagleg og pedagogisk så dei kan vere på høgd med utviklinga i skolen og samfunnet. Det tidlegare kravet i opplæringslova om at skoleeigaren skulle ha eit system som sikrar kompetanseutvikling for tilsette, vart frå 1. januar 2021 erstattat av kravet til internkontroll i kommunelova § 25-1.

#### 50.2.2 Krav til leiing i skolen

Ifølgje opplæringslova § 9-1 skal kvar skole ha ei forsvarleg fagleg, pedagogisk og administrativ leiing. Skolen skal leiast av ein rektor. Kravet gjeld alle skolar, uavhengig av storleiken. Rektor skal «halde seg fortruleg med den daglege verksamda i skolane og arbeida for å vidareutvikle verksamda». Departementet kan etter søknad gjere unntak frå kravet om rektor. Etter ei lovendring i 2003 kan fleire skolar ha same rektor.

Rektor må ha pedagogisk kompetanse og nødvendige leiareigenskapar for å kunne bli tilsett.

Det er ikkje krav om formell pedagogisk kompetanse eller formell leiarkompetanse. Realkompetanse er tilstrekkeleg, men det må kunne dokumenterast.

Rektor kan ha undervisningsoppgåver, men må då oppfylle dei same krava til tilsetjing og undervisning som undervisningspersonalet. Dette følger av opplæringslova §§ 10-1, 10-2 og 10-11.

Opplæringslova § 9-1 opnar for at rektor kan tilsetjast på åremål. Kommunelova § 13-2 opnar for at «leiande administrative stillingar» kan vere åremålsstillingar. Åremålsperioden skal vere på minst seks år.

Det kjem fram av reglane i § 2-3 fjerde ledd og § 3-4 andre ledd at undervisningspersonalet skal leggje til rette og gjennomføre opplæringa i samsvar med læreplanar gitt etter lova, og dessutan at rektorar skal organisere skolen «i samsvar med første leddet og forskrifter etter tredje leddet og i samsvar med § 1-1 og forskrifter etter § 1-5».

### **50.2.3 Krav om relevant kompetanse for å bli tilsett i undervisningsstilling**

Ifølgje opplæringslova § 10-1 skal den som blir tilsett i undervisningsstilling, ha fagleg og pedagogisk kompetanse. Dei nærmere kompetansekraava for å bli tilsett i undervisningsstilling er fastsette i forskrift til opplæringslova kapittel 14.

Dersom ingen søkerar til ei undervisningsstilling oppfyller kompetansekraava for tilsetjing, kan søkerar som ikkje oppfyller krava, blir tilsett mellombels, jf. opplæringslova § 10-6. Ei mellombels tilsetjing etter denne paragrafen kan ikkje vare lenger enn til 31. juli. Dersom ingen søkerar oppfyller kompetansekraava for tilsetjing, er det også mogleg å tilsetje ein søker som er i gang med relevant utdanning, på vilkår om at utdanninga blir fullført. Dette følger av opplæringslova § 10-6a. Arbeidsgivar og arbeidstakar avtaler då lengda på tilsetjinga ut frå omfanget av stillinga, lengda på utdanninga og kor tilgjengeleg utdanningstilbodet er. Dersom vilkåret om å fullføre utdanninga ikkje blir oppfylt, gjeld reglane i arbeidsmiljølova § 14-9 om avslutning av arbeidsforhold ved mellombels tilsetjing.

### **50.2.4 Krav om relevant kompetanse for å kunne undervise i fag**

Ifølgje opplæringslova § 10-2 må lærarar ha relevant kompetanse i dei faga dei skal undervise i.

Dei nærmere krava til kompetanse er fastsette i forskrift til opplæringslova kapittel 14. Sjølv om

lovheimelen ikkje er avgrensa til å gjelde formell kompetanse, inneber forskriftskraava i dag krav om eit visst tal studiepoeng som er relevante for undervisningsfaget. Det er skoleeigar sitt ansvar å vurdere kva utdanning som skal reknast som relevant. På barnetrinnet i grunnskolen krevst det relevant kompetanse for å undervise i faga norsk, samisk, norsk teiknspråk, engelsk og matematikk. På ungdomstrinnet og i vidaregåande skole er det krav om relevant kompetanse for å undervise i dei fleste fag.

Kravet om relevant kompetanse i undervisningsfaget gjeld ikkje for mellombels tilsette etter opplæringslova § 10-6, for vikarar som er tilsette etter arbeidsmiljølova, eller for dei som er tilsette på vilkår etter § 10-6a. Dei som har fullført allmennlærarutdanning, og dei som før 1. januar 2014 oppfylte krava for tilsetjing i undervisningsstilling, har dispensasjon frå kravet om undervisningskompetanse fram til 1. august 2025. Lova opnar dessutan for at kommunane og fylkeskommunane så langt det er nødvendig, kan fråvike krava dersom skolen ikkje har nok kvalifisert personale. Kommunane og fylkeskommunane må ta stilling til dette kvart skoleår.

### **50.2.5 Kontaktlærarar**

Både i grunnskolen og i vidaregåande opplæring er det fastsett krav om kontaktlærarar, jf. opplæringslova § 8-2 andre ledd. Det følger av regelen at kontaktlærarane skal ha eit «særleg ansvar for dei praktiske, administrative og sosialpedagogiske gjeremåla som gjeld klassen eller basisgruppa og dei elevane som er der, mellom anna kontakten med heimen». Det er presisert i forarbeida at klassen/basisgruppa kan ha éin eller fleire kontaktlærarar, så lenge ansvarsforholda mellom dei er klargjorde, særleg kven som har ansvaret for den enkelte eleven, jf. Ot.prp. nr. 55 (2008–2009) *Om lov om endringar i opplæringslova og privatskolelova*, merknad til § 8-2.

### **50.2.6 Krav om utlysing og val mellom søkerar**

Undervisningsstillingar og rektorstillingar skal lysast ut offentleg, jf. opplæringslova § 10-4. Kravet om utlysing gjeld ikkje for tilsetjingar som er kortare enn seks månader, «eller når arbeidsgivaren skal tilby stillinga til ein arbeidstakar eller tidlegare arbeidstakar i verksemda med heimel i arbeidsmiljølova § 14-2 om førerett til ny tilsetjing, § 14-3 om førerett for tilsette som arbeider deltid, eller § 15-7 om oppseiingsvern».

Prinsippet om at den best kvalifiserte søkeren skal veljast ved tilsetjing i offentleg stilling, gjeld også i skolen. Dette er presisert slik i opplæringslova § 10-5: «Når ein må velje mellom fleire søkerar til den saman stillinga, skal det leggjast vekt på utdanning og praksis, kva undervisningsbehov tilsetjinga skal ta sikte på å dekkje, og kor kvalifisert søkeren elles er for stillinga.» Paragrafen gjeld alle typar stillingar.

### **50.2.7 Tariffavtalar om lønns- og arbeidsvilkår**

Opplæringslova § 10-10 gir Kongen i statsråd heimel til å bestemme kven som skal forhandle om lønns- og arbeidsvilkår. Paragrafen gjeld berre stillingar «som går inn under denne lova», det vil seie undervisningspersonell og rektorar. Kommunane og fylkeskommunane har frå 1. mai 2004 vore tariffpart ved forhandlingar med arbeidstakarorganisasjonar der kommunane eller fylkeskommunane er skoleigar. Dette følgjer av forskrift om forhandlingsansvar for lærarar § 1.

### **50.2.8 Undervisningspersonalet ved leirskolar**

Det følgjer av opplæringslova § 2-3 første ledd at ein del av undervisningstida i grunnskolen kan brukast til «leirskoleopplæring». Opplæringslova § 13-7 b bestemmer at kommunane som ein del av grunnskoleopplæringa skal tilby elevane leirskoleoppdrag eller annan skoletur.

Undervisningspersonalet ved leirskolar med fast pedagogisk bemanning skal vere tilsette i den kommunen der leirskolen ligg, jf. opplæringslova § 10-3 første punktum. Ifølgje forarbeida til paragrafen, Ot.prp. nr. 78 (1998–99) *Om lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*, kapittel 5.5, er formålet å sikre «kontinuiteten i undervisningsopplegget og tilsetjingsforholda for personalet. På denne måten vil undervisningspersonalet ha god kjennskap til forholda på staden og på dette grunnlaget kunne legge undervisninga godt til rette for elevane».

Departementet kan gi forskrifter om kompetansekrav for personalet ved faste leirskolestader, jf. andre punktum i § 10-3. Slike krav er ikkje fastsette.

### **50.2.9 Fagleg ansvar for opplæringa og bruk av vikarar**

Personale som ikkje er tilsett i ei undervisningsstilling, skal ikkje ha ansvar for opplæringa. Dette følgjer av opplæringslova § 10-11.

Vidare seier paragrafen at personar som ikkje er tilsette i undervisningsstilling, kan hjelpe til i opplæringa dersom dei får nødvendig rettleiing. Hjelpa må skje på ein slik måte og i eit slikt omfang at elevane får forsvarleg utbytte av opplæringa. Kva som er nødvendig rettleiing, vil variere ut frå kva oppgåver den tilsette skal utføre, og hens utdanningsbakgrunn og arbeidserfaring. Kva som er forsvarleg utbytte av opplæringa, må avgjera etter ei konkret vurdering, jf. Prop. 129 L (2012–2013) *Endringar i opplæringslova og privatskolelova (spesialundervisning m.m.)*, merknad til § 10-11.

Dagens lov regulerer ikkje vikarbruk i skolen. Lova føreset likevel at kommunane og fylkeskommunane har tilgang på vikarar ved ulike typar fråvær.

### **50.2.10 Fleirfagleg kompetanse i skolen og helsesjukepleiar**

Ifølgje opplæringslova § 10-8 har skoleigaransvaret for at det er rett og nødvendig kompetanse i verksemda. Opplæringslova med forskrifter inneholder krav til spesifikk kompetanse hos undervisningspersonalet og rektor. Ut over dette er det ingen krav om at det skal vere personar med ein bestemt kompetanse i skolen. Skoleigar skal likevel sørge for at eleven får eit forsvarleg utbytte av opplæringa. Det er derfor ikkje tilstrekkeleg at kompetansekrava i §§ 10-1 og 10-2 er oppfylte dersom dette ikkje er nok til at eleven får eit innhald i opplæringa som gir eit forsvarleg utbytte. Ved vedtak om spesialundervisning er det til dømes naturleg at behovet for spesialpedagogisk kompetanse blant personalet blir vurdert.

Opplæringslova har ingen reglar om helsesjukepleiar eller skolehelseteneste.

Opplæringslova § 5-8 gir heimel for departementet til å gi forskrift om helsetilsyn og medisinsk hjelp for elevar som får spesialundervisning. Forskriftsheimelen er ikkje brukt.

I helse- og omsorgstenestelova § 3-2 er det krav om at kommunane skal tilby helseteneste i skolar. Paragrafen inneholder eit krav om at kommunane skal ha knytt til seg lege, sjukepleiar, fysioterapeut, jordmor og helsesjukepleiar for å oppfylle det overordna ansvaret for helse- og omsorgstenester. Det er ikkje fastsett krav om at

bestemte profesjonsutøvarar skal gi dei ulike helse- og omsorgstenestene.

Det følgjer av forarbeida til helse- og omsorgstenestelova § 3-2 at kommunane står fritt til å bestemme den ytre ramma for organisering av tenestene. Samtidig er det framheva at eit hovudpoeng med skolehelsetenesta er at ho er der barn og unge er – som ei drop-in-teneste på skolen. Det blir vist til at i ungdomsskolar og vidaregåande skolar der tenesta er regelmessig til stades over tid, blir ho nytta av 50 prosent av elevane til drop-in-konsultasjonar, jf. Prop. 91 L (2010–2011) *Løyve om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. (helse- og omsorgstenestelova)*, punkt 15.5.2.3.

Forskrift om kommunens helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjons- og skolehelsetenesta inneheld utfyllande reglar om innhaldet i skolehelsetenesta. Helsedirektoratet har også utarbeidd nasjonal fagleg retningslinje for det helsefremjande og førebyggjande arbeidet i helsestasjon, skolehelseteneste og helsestasjon for ungdom.

### 50.3 Høyringsforslaget

I høyringa foreslo departementet

- å vidareføre kravet om at kommunane og fylkeskommunane skal ha rett og nødvendig kompetanse i verksemda, og kravet om å leggje til rette for kompetanseutvikling
- å vidareføre at opplæringa i skolen skal leiast av rektorar, og det generelle kravet om forsvarleg leiing
- å gjere tydeleg i lova at ein rektor kan leie fleire skolar
- å ikkje vidareføre moglegheita til unntak frå rektorkravet
- å ikkje vidareføre regelen i opplæringslova om at rektorar kan tilsettast på åremål
- å vidareføre kravet om at rektor skal ha pedagogisk kompetanse
- å ikkje vidareføre dagens lovreglar om at rektor har plikt til å organisere skolen i samsvar med til dømes formålet med opplæringa eller læreplanverket
- å innføre plikt for kommunar og fylkeskommunar til å leggje til rette for at nytilsette rektorar kan ta studiepoenggivande utdanning i pedagogisk leiing innan tre år etter at dei vart tilsette
- å vidareføre kompetansekrava for tilsettjing i lærarstilling (undervisningsstilling) og å presiere at kompetansekravet seinast må oppfyllast på tiltredingstidspunktet

- å vidareføre krava om kompetanse i undervisningsfag, men slik at det blir gjort tydelegare at krava er retta mot kommunane og fylkeskommunane
- å vidareføre moglegheita til mellombels tilsettjing og tilsettjing på vilkår
- å vidareføre kravet om kontaktlærar
- å ikkje vidareføre kravet i lova om offentleg utlysing
- å vidareføre reglar om kvalifikasjonsprinsippet i lova
- å ikkje vidareføre reglar om tariffavtalar
- å vidareføre krav om kommunal tilsettjing av undervisningspersonale ved leirskolar med fast pedagogisk bemanning
- å vidareføre heimelen til departementet til å gi forskrifter om kompetansekrav for personalet ved leirskolar
- å innføre krav om forsvarleg vikarordning
- å vidareføre at dei som ikkje er tilsette i lærarstilling, skal kunne hjelpe til i opplæringa
- å vidareføre krav om rettleiing av dei som skal hjelpe til i opplæringa, men som ikkje er tilsette i lærarstilling
- å ikkje vidareføre forskriftsheimelen om helsetilsyn og medisinsk hjelp for elevar som får spesialundervisning
- å ikkje innføre krav om annan spesifikk kompetanse enn lærarkompetanse
- å ikkje innføre krav om helsejukepleiar eller skolehelseteneste

Med desse høyringsforsлага følgde departementet delvis opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 38, 39 og 40. I motsetning til i høyringa foreslo utvalet å ikkje vidareføre reglar i lova om kvalifikasjonsprinsippet, undervisningspersonale ved leirskolar og rettleiing av dei som skal hjelpe til i opplæringa. Høyringsforslaget om å innføre plikt for kommunar og fylkeskommunar til å leggje til rette for at nytilsette rektorar kan ta studiepoenggivande utdanning i pedagogisk leiing innan tre år etter at dei vart tilsette, var nytt i høyringa og vart ikkje foreslått av utvalet.

Departementet høyrde ope om det bør innførast ein regel om at opplæring skal førebuast og følgjast opp av ein lærar, og at ein lærar som hovudregel skal vere til stades saman med elevane i opplæringssituasjonen. Slike reglar vart foreslått av opplæringslovutvalet.

Departementet tok i høyringa ikkje stilling til forslaget frå utvalet om å utvide fristen for å oppfylle kompetansekrava til undervisning med tre år for lærarar som allereie oppfylte krava for tilse-

tjing då kompetansekrava vart innførte i 2014, men departementet bad om innspel frå høyingsinstansane til korleis det kan leggjast til rette for at fleire lærarar står lenger i jobb, også etter 2025.

Departementet sende 19. april 2022 på høyring forslag om å innføre unntak frå kravet om relevant kompetanse i undervisningsfag for lærarar som oppfylte eitt av krava for å bli tilsett som lærer før 1. januar 2014, og for lærarar som har fullført tidlegare allmennlærarutdanning.

## 50.4 Høyingsinstansanes syn

### 50.4.1 Det generelle kravet til kompetanse og kompetanseutvikling

I underkant av 15 høyingsinstansar har uttalt seg om forslaget om å vidareføre kravet i dagens opplæringslov § 10-8 om at kommunane og fylkeskommunane skal ha rett og nødvendig kompetanse i verksemda, og at kommunane og fylkeskommunane skal sørge for at dei tilsette får utvikle seg pedagogisk og fagleg. Dei aller fleste som har uttalt seg, støttar forslaget heilt eller delvis. Dette inkluderer mellom anna *Barneombodet*, *Statsforvaltaren i Oslo og Viken*, *Skolelederforbundet*, *Norsk Lektorlag*, *NHO* og *YS*. *NHO* støttar forslaget delvis, men meiner at det i tillegg bør komme fram av lova at kvar enkelt skole for å oppnå måla også må ha eit system for kompetansekartlegging og kompetanseutvikling. *Norges Blindeforbund* ønsker at det i forslaget § 17-8 første ledd blir presisert at rett og nødvendig kompetanse inkluderer syns- og audiopedagogisk kompetanse når skolen har elevar med sansetap. *Skolenes landsforbund* ønsker at regelen stiller krav om sosialfagleg kompetanse, eller at det er lista opp kva kompetanse kommunen er forventa å ha tilgjengeleg for skolane.

*KS* meiner prinsipielt at lovforslaget § 1-4, saman med rettleiing for statleg styring av kommunar og fylkeskommunar, gir tilstrekkeleg regulering av krav om rett og nødvendig kompetanse i skolen. *KS* skriv vidare:

Innenfor rammen av at dette likevel reguleres i opplæringsloven, foreslår *KS* at første ledd av § 17-8 flyttes fram til begynnelsen av kapitlet. Det vil være en konkretisering av 1-4, og innledningsvis slå fast at det som kommer etterpå, er kommunens og fylkeskommunens ansvar. Slik det står nå kommer alle delkravene først og så kommer kommunens og fylkeskommunens ansvar etterpå og i en paragraf om videre

faglig utvikling slik at det kan se ut som det kun er dette som faller inn under kravet til kommunen og fylkeskommunen om riktig og nødvendig kompetanse i skolen.

### 50.4.2 Krav til leiing i skolen

Dei fleste som har uttalt seg, støttar forslaget om å vidareføre kravet om at skolen skal ha ei leiing som er fagleg, pedagogisk og administrativt forsvarleg, og at ein skole skal leiest av ein rektor som skal ha pedagogisk kompetanse, ta del i den daglege verksemda og arbeide med utviklinga av verksemda.

*Skolenes landsforbund* set likevel spørjeteikn ved kva som ligg i kravet om at skolen skal ha ei leiing som er fagleg, pedagogisk og administrativ forsvarleg.

Omtrent halvparten av dei om lag ti høyingsinstansane som har uttalt seg, meiner, i motsetning til i høyingsforslaget frå departementet, at ein rektor berre skal kunne leie éin skole. Blant høyingsinstansane som meiner dette, er *Kristiansand kommune*, *Skolelederforbundet*, *Norsk lektorlag*, *Utdanningsforbundet* og *Skolenes landsforbund*. *Norsk Lektorlag* grunngir innspelet sitt med at det at rektoren er til stades dagleg, er viktig. *Skolenes landsforbund* meiner det er pedagogisk uforsvarleg å setje éin person til å leie fleire skolar, og viser til at det på kvar skole er ei rekke oppgåver som rektor må gjere, som ikkje er avhengig av elevtal.

*Barneombodet* meiner at ein rektor som hovudregel berre bør kunne leie éin skole, men at det til dømes kan innførast unntak for små skolar med geografisk nærleik. *Bergen kommune* har liknande innspel.

Enkelte høyingsinstansar uttaler likevel eksplisitt at dei ønsker at ein rektor skal kunne leie fleire skolar, inkludert *Oslo kommune*, *Stavanger kommune* og *KS*. *Viken fylkeskommune* støttar også forslaget og påpeikar at regelen varetak behovet som kommunen og fylkeskommunen har for fleksibilitet.

Dei få høyingsinstansane som har uttalt seg om forslaget om å ikkje vidareføre høve til unntak frå rektorkravet, støttar forslaget.

Få høyingsinstansar har gitt innspel til forslaget om å fjerne regelen i opplæringslova om at rektorar kan tilsetjast på åremål. *Utdanningsforbundet* støttar forslaget. *Skolenes landsforbund* støttar ikkje forslaget. Det gjer heller ikkje *Porsgrunn kommune*, som meiner at ein slik regel bidreg til å gi kommunen og fylkeskommunen nødvendig fleksibilitet.

I høyringa er det foreslått å vidareføre dagens reglar om at rektor skal ha pedagogisk kompetanse, utan krav om formell pedagogisk kompetanse. I overkant av ti høyringsinstansar har gitt innspel, og forslaget blir mellom anna støtta av *Barneombodet*, enkelte fylkeskommunar, enkelte kommunar og *LO. Herøy kommune og Skolenes landsforbund* set likevel spørjeteikn ved kva pedagogisk realkompetanse inneber, og meiner rektor bør ha formell pedagogisk utdanning. *Utdanningsforbundet* er heller ikkje samd i departementets forslag og skriv

Utdanningsforbundet understrekte at skoleledere med ansvar for profesjonsfaglig ledelse bør ha lærerutdanning, lærererfaring og god ledelsesfaglig kompetanse. Vi mener at dette er krav som bør lovfestes i den nye opplæringsloven og at det ikke er tilstrekkelig bare å stille krav om at rektor skal ha pedagogisk realkompetanse.

Forslaget om å innføre ei plikt for kommunen og fylkeskommunen til å leggje til rette for at nytilsette rektorer kan ta studiepoenggivande utdanning i pedagogisk leiing innan tre år etter at dei vart tilsette, blir støtta av fleirtalet av dei om lag 15 høyringsinstansane som har uttalt seg, inkludert *Møre og Romsdal fylkeskommune*, *Viken fylkeskommune*, *Troms og Finnmark fylkeskommune*, *Oslo kommune*, *Bergen kommune*, *Trondheim kommune*, *Øyer kommune*, *Skolelederforbundet* og *Utdanningsforbundet*. *Kristiansand kommune* er positive til å leggje til rette for at rektorer kan ta vidareutdanning i pedagogisk leiing, men meiner *pedagogisk leiing* bør erstattast av *leiing*, då det allereie følgjer av kompetansekrava at rektor skal ha pedagogisk kompetanse. *Utdanningsdirektoratet* tek ikkje konkret stilling til om dei støtta forslaget eller ikkje, men uttaler:

Vi stiller spørsmål om hvordan denne plikten forholder seg til prinsippene for regelstyring om å ikke begrense det kommunale selvstyret mer enn nødvendig og at kompetansekrav og organisering av oppgavene i kommunen/fylkeskommunen normalt ikke bør reguleres.

*Stavanger kommune*, *Sarpsborg kommune*, *Røros kommune* og *KS* støtta ikkje forslaget.

#### 50.4.3 Krav om relevant kompetanse for å bli tilsett som i lærarstilling

##### Kompetansekrav ved tilsetting

Omtrent 20 høyringsinstansar har uttalt seg om høyringsforslaget om å vidareføre kompetansekrava for tilsetting i lærarstilling og å presisere at kompetansekravet seinast må oppfyllast på tiltredingstidspunktet. Alle støtta forslaget heilt eller delvis. Dei som støtta forslaget, inkluderer mellom anna *Barneombodet*, *Statsforvaltaren i Oslo og Viken*, *Utdanningsdirektoratet*, *Statped*, *Viken fylkeskommune*, *Oslo kommune*, *Stavanger kommune*, *Herøy kommune* og *KS. EL og IT Forbundet* støtta forslaget delvis.

*Kvam kommune* meiner at regelen om relevant kompetanse for å bli tilsett i lærarstilling må presisere at læraren skal ha god kompetanse i både nynorsk og bokmål skriftspråk. *Fylkesmållaga i Møre og Romsdal*, *Noregs lærarmållag* og *Norskfaggruppen Høgskolen på Vestlandet* har liknande innspel.

##### Mellombels tilsetting og tilsetting på vilkår

Eit fleirtal av dei i underkant av 20 høyringsinstansane som uttaler seg, støtta departementets forslag om å vidareføre reglane om mellombels tilsetting og tilsetting på vilkår, inkludert *Troms og Finnmark fylkeskommune* og fleire kommunar. *KS* støtta også forslaget og viser til at reglane er heilt nødvendige for at skolane skal kunne halde skolkvarden i gang og gi elevane undervisning. *Rogaland fylkeskommune* støtta forslaget delvis, men meiner reglane bør vere endå meir fleksible for å kunne tilsetje dyktig yrkesfagleg personell, som ikkje nødvendigvis har gått i gang med pedagogisk utdanning ved starten av tilsetningsforholdet, men søker seg inn på pedagogiske studium det følgjande året. *Utdanningsforbundet*, *Akademikerne* og *EL og IT Forbundet* støtta ikkje forslaget. Det gjer heller ikkje *Norsk Lektorlag*, som skriv at

loven tydelig må presisere at ansettelse på vilkår skal brukes så lite som mulig, og bare når den ansatte allerede har faglige kvalifikasjoner. I tillegg, må den som ansettes på vilkår få både rett og plikt til kvalifisering. Det vil sikre at elevene raskere får kvalifiserte undervisere, og minimere misbruk av reglene om tilsetting på vilkår.

*LO* meiner det bør komme tydeleg fram av reglane at fast tilsetjing må vere den klare hovudregelen.

*Oslo kommune* er samd i forslaget om å samle dagens §§ 10-1 om krav om kompetanse ved tilsetjing i undervisningsstilling, 10-6 om mellombels tilsetjing og 10-6a om tilsetjing på vilkår i ein felles paragraf, men ønskjer også å ha med ei formulering i lova om at dersom vilkåra ikkje blir oppfylte ved tilsetjing etter § 10-6a, gjeld reglane i arbeidsmiljølova § 14-9 om avslutning av arbeidsforhold ved mellombels tilsetjing.

*Mellombels tilsetjing dersom det er andre søkerar som oppfyller dei formelle kompetansekrava, men som blir rekna som personleg ueigna for stillinga*

Departementet hørde ope om det bør presiserast i lova at søkerar som ikkje oppfyller kompetansekrava, kan tilsetjast mellombels også dersom det finst søkerar som oppfyller kompetansekrava, men som kommunen eller fylkeskommunen vurderer som ueigna for stillinga, jf. avklaringa i høgsterrettsdommen HR-2016-2229-A. Departementet påpeika i høyringa at eit alternativ er at dette berre blir omtalt i merknaden til reglane om kompetansekrav ved tilsetjing. Berre eit fåtal høyringsinstansar har gitt innspel. *Viken fylkeskommune, Trøndelag fylkeskommune, Nittedal kommune og Time kommune* støttar ei slik presisering i lova. *Sivilombodet* ønskjer også dette presisert i lova og meiner omsynet til klarheit og føreseielege forhold tilseier at dette kjem fram av ordlyden i lova framfor berre å vere omtalt i merknadene.

*Utdanningsforbundet* ønskjer ikkje å ta inn ei slik presisering i lova. Forbundet viser mellom anna til at personlege eigenskapar er vanskeleg å definere konkret og endå vanskelegare å måle. *Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark* støttar helst ikkje forslaget og skriv:

Vi antar at en lovfesting av en slik bestemmelse medfører at terskelen for å ansette lærere som ikke oppfyller kompetansekravene blir lavere. Høyesteretts dom vil uansett fortsatt være førende for rettspraksis, så alternativet med at dette omtales i merknaden til bestemmelsen er en bedre løsning.

*Nord universitet* tek ikkje stilling til spørsmålet direkte. Universitetet viser til merknadsforslaget til § 17-2 og skriv:

Her henvises det til en dom fra 2016, der «Tilsetting av midlertidige lærere uten tilstrekkelig formell kompetanse var ikke ugyldig» etter at «En lærer som var formelt kompetent, ble av en kommune oppfattet som personlig uegnet som lærer.» Denne dommen ser ut til å ha medført at det foreslås tatt inn i opplæringsloven at arbeidsgiver skal vurdere om søker til lærerstillingar er kvalifiserte ut fra personlig egnethet. Dette mener vi er å gi denne dommen urimelig store følger. At det i en enkeltsak ble vurdert at en søker ikke var personlig egnet, bør vel ikke innebære at skoleeiers vurdering av personlig egnethet blir likestilt med faglige kvalifikasjonskrav og erfaring.

Innspelet frå universitet her må sjåast i samanheng med innspelet universitetet har til forslaget om å vidareføre reguleringa av kvalifikasjonsprinsippet, sjå under.

#### 50.4.4 Krav om relevant kompetanse for å kunne undervise i fag

##### Krav om relevant kompetanse i undervisningsfaga

Eit fleirtal av dei rundt 15 høyringsinstansane som har uttalt seg, støttar høyringsforslaget om å vidareføre krava om relevant kompetanse i undervisningsfag, men slik at det blir gjort tydelegare at krava er retta mot kommunane og fylkeskommunane. *Barneombodet, Statsforvaltaren i Oslo og Viken, Statped, Viken fylkeskommune*, enkelte kommunar og KS støttar forslaget.

*Akademikerne* ønskjer krav til relevant kompetanse i alle undervisningsfag. *Norsk Lektorlag* ønskjer også strengare kompetansekrav enn i dag og skriv at

Norsk skole trenger en langtidsplan for å trappe opp kompetansekrav for å undervise, så elevene får lærere med faglig fordypning på alle trinn i alle fag

*EL og IT Forbundet* meiner at relevant kompetanse må innebera at dei som underviser i yrkesfag har relevant fagbrev.

##### Unntak for dei som oppfylte eitt av krava for å bli tilsett i lærarstilling før 1. januar 2014, og for dei som har fullført tidlegare allmennlærarutdanning

Omtrent 30 høyringsinstansar har gitt innspel. Eit klart fleirtal av kommunane og fylkeskommunane som har uttalt seg, støttar forslaget.

*KS* tek ikkje stilling til forslaget, men uttaler at krava har hatt store konsekvensar for behovet for vidareutdanning, og at ei gjeninnføring av unntaket vil gi kommunar og fylkeskommunar betre moglegheit for å tilby etter- og vidareutdanning i tråd med lokale behov og prioriteringar.

*Utdanningsforbundet* støttar forslaget og meiner at opphevinga av det tidlegare unntaket for same gruppe førte til at over 30 000 lærarar, av dei 75 prosent kvinner, vart definerte som ukvalifiserte for å undervise i fag dei hadde lang undervisningserfaring i. *Utdanningsforbundet* meiner også at mange eldre og erfarne lærarar som ikkje vart prioriterte i satsinga på vidareutdanning, valde å pensjonere seg tidlegare enn planlagt. *Utdanningsforbundet* støttar også at unntaket skal gjelde for lærarar i vaksenopplæringa og lærarar i private skolar med rett til statstilskot.

*Skolenes landsforbund* støttar forslaget og peikar på at krava betyr at mange erfarne lærarar vil bli tilsidesette i fag- og timefordeling på skolen, i tillegg til å stille bakarst i køen ved søknad om ny stilling.

*Oslo kommune* støttar forslaget, men meiner at dei statlege overføringane til vidareutdanning har vore avgjerande for å auke andelen lærarar i Oslo-skolen med nødvendig kompetanse, og føreset at denne ordninga held fram.

*Norsk lektorlag* støttar ikkje forslaget og meiner det vil undergrave målet om betre kvalitet i skolen. Det er allereie gitt ein dispensasjonsperiode på ti år for å oppfylle krava, og lektorlaget meiner ein ikkje bør gå inn for lågare krav no. Lektorlaget meiner det må innførast kompetansekrav for undervisning i alle fag på alle trinn, og peikar på at det er dokumentert i forsking at kompetansen til læraren, inkludert fagspesialisering, har noko å seie for læringsutbyttet til elevane, og at høg lærarkompetanse bidreg til auka sosial mobilitet. Lektorlaget erfarer at kommunane er for defensive i arbeidet for å oppfylle det generelle kravet om rett og nødvendig kompetanse i § 10-8, og dei meiner derfor det bør komme fram tydelege krav i lov og forskrift. Vidare meiner Lektorlaget at vurderinga rektor gjer av kva som er relevant undervisningskompetanse, må kvalitets-sikrast gjennom nasjonale retningslinjer, og at ei sertifiseringsordning for lærarar med plikt til å ta relevant etter- og vidareutdanning også må vurderast på sikt.

*Tekna* støttar ikkje forslaget og meiner regjeringa må jobbe for ein gradvis auke av kravet om fordjuping i undervisningsfaga. *Tekna* meiner det ikkje skal vere lokale behov som styrer kompetan-sehevninga til lærarar, men heller behovet elevane

har for å ha kompetente lærarar uavhengig av kvar dei bur. Dei skriv at den faglege og didaktiske kompetansen til lærarane er den viktigaste enkeltfaktoren for læringa til elevane. Det viktigaste tiltaket for å kvalifisere ukvalifiserte tilsette i undervisningsstillingar er å ikkje godta varige unntak i regelverket frå kompetansekrav for å undervise. Skoleeigarar må få plikt til å kvalifisere den tilsette gjennom tilbod om nødvendig vidareutdanning.

*Arbeidsgiverforeningen Spekter* støttar ikkje forslaget og meiner kompetanseutvikling kan gi motivasjon og ny giv i yrket i tillegg til auka kvalitet på undervisninga. Dei meiner at alle lærarar bør omfattast av same kompetansekrav. Den tidsav-grensa dispensasjonen i dagens lov har vore kjend i fleire år, og det er enno tid innanfor rammene som er settet.

#### 50.4.5 Krav om kontaktlærar

Dei fem høyningsinstansane som uttaler seg om forslaget om å vidareføre dagens reglar om kontaktlærar, støttar forslaget.

#### 50.4.6 Utlysing av stillingar og val mellom søkerar

##### Ikkje krav om å lyse ut stillingar

Berre eit fåtal har uttalt seg om forslaget om å ikkje vidareføre regelen i opplæringslova om at undervisningsstillingar og rektorstillingar skal lysast ut offentleg. *Bergen kommune* støttar forslaget. *Herøy kommune* og *LO* støttar ikkje forslaget. *Skolenes landsforbund* støttar heller ikkje forslaget og ønskjer at kravet om offentleg utlysing av undervisningsstillingar og rektorstillingar blir behalde og blir utvida til også å gjelde mellomleiarar.

##### Kvalifikasjonsprinsippet ved val mellom søkerar

Fleirtalet av dei som har uttalt seg, støttar forslaget om å vidareføre reguleringa av kvalifikasjonsprinsippet i opplæringslova. Dei som støttar forslaget, er mellom anna enkelte fylkeskommunar, enkelte kommunar, *Utdanningsforbundet* og *Akademikerne*. *Norsk lektorlag* støttar også forslaget og uttaler:

Å synliggjøre sentrale ulovfestede prinsipper i loven er pedagogisk fordi det styrker lovens leservennlighet, og bidrar til økt lovoppfyllelse

ved utvelgelse til ansettelse i skolen, slik at rettssikkerheten ved ansettelsesivaretas bedre

*KS* støttar ikkje forslaget og grunngir dette med at det er unødvendig å lovfeste eit ulovfesta prinsipp som uansett gjeld i offentleg sektor.

*Nord universitet* meiner at forslaget om å legge til personlege eigenskapar på lista over kva kommunen og fylkeskommunen skal leggje vekt på når dei skal vurdere kven som er best kvalifisert, gjer det mindre klart kva det ligg i det å vere kvalifisert, og at det blir lagt uforholdsmessig mykje makt til kvar enkelt skoleeigar å avgjere kva som ligg i det å vere kvalifisert som lærer. Dersom forslaget skal haldast ved lag, meiner universitetet at det må presiserast kva eigenskapar som skal vurderast til kvar enkelt stilling. Universitetet meiner vidare at det må krevjast skriftlege grunngivingar av vurderinga som blir gjort av sokjarane, og at det bør vere ei utdjuping av krava til personlege eigenskapar i alle stillingar som blir lyste ut. Sjå også innspelet universitetet hadde til høyrsforslaget § 17-2, omtalt over.

#### **50.4.7 Tariffavtalar om lønns- og arbeidsvilkår**

*Skolenes landsforbund* støttar ikkje forslaget om å fjerne reglane om tariffavtalar i opplæringslova.

#### **50.4.8 Undervisningspersonalet ved leirskolar**

I overkant av ti høyrsinstansar har uttalt seg om forslaget om at kommunen skal tilsetje undervisningspersonale ved leirskolar med fast pedagogisk bemanning. Forslaget blir støttet av *Statsforvaltaren i Oslo og Viken*, *Viken fylkeskommune*, *Oslo kommune*, *Porsgrunn kommune*, *Lunner kommune*, *Utdanningsforbundet*, *Norsk Leirskoleforening* og *Evjetun leirskole*. *Dovre kommune* støttar også forslaget og meiner regelen sikrar kvalitet, tryggleik og føreseielege vilkår i leirskoleopplæringa. Forslaget blir ikkje støttet av *Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark*, *Kristiansand kommune* og *Herøy kommune*. *Evje og Hornnes kommune* støttar heller ikkje forslaget og sluttar seg til vurderinga frå utvalet om at det bør vere eigar av leirskolen som tilset undervisningspersonalet.

Berre fire høyrsinstansar har uttalt seg om forslaget om å vidareføre departementet sin heimel til å gi forskrifter om kompetansekrav for personalet ved leirskolar. Alle støttar forslaget.

#### **50.4.9 Fagleg ansvar for opplæringa**

Departementet bad i høyringa om innspel til spørsmålet om det bør innførast ein regel om at opplæringa skal førebua og følgjast opp av ein lærar, og at ein lærar som hovedregel skal vere til stades saman med elevane i opplæringssituasjonen. Omrent 40 høyrsinstansar har gitt innspel, og dei aller fleste meiner det bør innførast slike reglar, inkludert to fylkeskommunar, fleire kommunar, *Utdanningsforbundet*, *LO*, *Norsk Lektorlag*, *Akademikerne* og enkelte organisasjonar som representerer barn med nedsett funksjonsevne.

Fleire av dei som støttar forslaget, meiner likevel at forslaget kan vere vanskeleg og lite realistisk å praktisere, mellom anna på grunn av tilgangen på lærarar. *Viken fylkeskommune* skriv i den samanhengen at

[n]år det gjelder konsekvensene av forslaget ser vi ikke umiddelbart hvordan det skal la seg gjennomføre med dagens tilgang på lærerressurser, medregnet prekære vikarbehov. Vi er derfor i tvil om forslaget lar seg gjennomføre på kort sikt.

*Borgund vidaregåande skole* tek ikkje direkte stilling til forslaget frå utvalet, men skolen meiner eit slikt krav blir svært vanskeleg for skolar med mange elevar med IOP og som treng tett oppfølging heile skoledagen. Skolen meiner det er urealistisk at ein lærar skal ha ansvaret for all førebuing og gjennomføring av opplæringa. Skolen meiner også det vil vere nødvendig med ein diskusjon om kva som er undervisning, og kva som er helsehjelp.

*Senja kommune* støttar i utgangspunktet forslaget, men skriv at dei likevel er i tvil om eit slikt krav er tenleg og praktisk mogleg å gjennomføre, særleg med omsyn til tilgang på kompetanse og høve til effektiv gjennomføring av undervisninga.

*Skien kommune* peikar på nokre av dei same utfordringane og skriv mellom anna:

[M]ed ny læreplan, tverrfaglig arbeid og også mer digital undervisning, er opplæringssituasjonen mer mangfoldig enn tidligere. Krav om at lærer som hovedregel skal være til stede, kan begrense både lærere og elevs handlingsrom.

Enkelte av høyrsinstansane peikar på at det er behov for økonomisk kompensasjon dersom reglane blir innførte, medan *Utdanningsforbundet*

ikkje kan sjå at innføringa av slike reglar har nokon særskilde økonomiske konsekvensar. *Asker kommune* skriv i høyningsfråsegnan si:

Et slikt krav kan gi bedre forutsetninger for at elevenes rett til vurdering og forsvarlig opplæring blir oppfylt – særlig for elever som får individuelt tilrettelagt opplæring. Samtidig kan dette ha økonomiske konsekvenser for kommunen. Vi mener at det ikke burde utformes som et absolutt krav at en lærer er tilstede i all opplæring. Det er også mange eksempler på at andre faggrupper kan legge til rette for gode læringsaktiviteter. Eksempler på dette kan være ADL-trening, motoriske ferdigheter, og øve på ferdigheter.

Fleire andre meiner det kan vere opplæringssituasjonar, til dømes symjeundervisning, som krev annan type kompetanse enn lærarkompetanse, og at eit slikt krav eventuelt må ha relevante unntaksreglar.

Det er ingen av høyningsinstansane som primært ønskjer det alternative forslaget i høyningsnotatet om at slike reglar berre skal gjelde for individuelt tilrettelagt opplæring, men *Handikappede Barns Foreldreforening* skriv at dei ønskjer at kravet skal gjelde for individuelt tilrettelagt opplæring dersom departementet ikkje går vidare med at eit slikt krav skal gjelde generelt.

#### **50.4.10 Personale som hjelper til i opplæringa**

Dei få høyningsinstansane som uttaler seg om forslaget om at andre personale enn dei som er tilsette i undervisningsstilling kan hjelpe til i opplæringa, og å vidareføre krav om rettleiing av personale som hjelper til i opplæringa, støttar forslaget.

#### **50.4.11 Vikarar**

Omtrent 30 høyningsinstansar har uttalt seg om forslaget om å innføre krav om at kommunane og fylkeskommunane skal ha ei forsvarleg vikarordning. Litt under halvparten av dei som har uttalt seg om forslaget, støttar det, inkludert *Barneombodet, Foreldreutvalet for grunnopplæringa, Utlandsdirektoratet, Statsforvaltaren i Oslo og Viken, Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, Bergen kommune, Aukra kommune, Redd Barna og Organisasjonen Voksne for barn. Redd Barna* meiner forslaget styrker arbeidet med å skape trygge klassemiljø, og *Barneombodet* meiner at ein slik regel vil vere eit viktig signal, som krev at kommunen og fylkeskommunen har ein systematikk

knytt til vikarar. *Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Moss kommune* uttaler at det bør gjerast tydeleg kva ein siktar til med forsvarleg, dersom forslaget om ei forsvarleg vikarordning blir vedteken og statsforvaltarane skal kunne føre tilsyn med dette kravet. Enkelte høyningsinstansar tek ikkje direkte stilling til om dei støttar forslaget eller ikkje, men meiner det er viktig at det blir presisert nærmare kva som eventuelt ligg i eit krav om forsvarleg vikarordning.

*Elevorganisasjonen* mener det er viktig å stille kompetansekrav til vikarer. *Akademikerne* og *Norsk Lektorlag* ønsker tydelige kompetansekrav, og mener at en forsvarlig opplæring må forutsette at det kun brukes kvalifiserte lærere.

Litt over halvparten av dei som har uttalt seg, ønskjer ikkje ein lovregel om krav til forsvarleg vikarordning, inkludert over ti kommunar, *KS* og *Skoleleder forbundet*. Fleire av desse grunngir motstanden sin med at ein slik regel er unødvendig, då andre reglar i lova uansett krev at skolen har nødvendig og rett kompetanse. *KS* skriv i det høvet at

det å ha en vikarordning faller inn under kravet om riktig og nødvendig kompetanse i skolen (§ 17-8). Dessuten vises både til pkt. 2.1 om forsvarlighetskrav og til pkt. 8. kapittel 14 om lærernorm.

Fleire av dei som ikkje støttar forslaget, meiner også at ein slik regel krev meir dokumentasjon og rapportering, utan at utfordringane med vikarmangel blir noko betre. *Viken fylkeskommune* peikar på fleire utfordringar med ein slik regel og skriv:

Et krav om en forsvarlig vikarordning bør ikke føre til økte dokumentasjonskrav for skolene. Et krav om kvalifiserte vikarer er positivt med tanke på undervisningskvaliteten. Utfordringen i hverdagen er imidlertid mange steder å få tak i vikarer i det hele tatt. Spesielt vil dette bli en utfordring med lærermangelen vi nå ser i skolen. Dersom kravet fører til at ansatte lærere må arbeide overtid, kan det på sikt føre til slitasje. I tillegg vil dette få store økonomiske konsekvensar.

#### **50.4.12 Fleirfagleg kompetanse i skolen og helsejukepleiar**

Omtrent 15 høyningsinstansar har gitt innspel til forslaget om ikkje å innføre krav om annan spesifikk kompetanse enn lærarkompetanse, og eit fleirtal av desse er usamd i departementets for-

slag. Fleire av dei som er usamd i forslaget, peikar på at særleg elevar med særskilde behov kan ha behov for spesiell kompetanse hos opplæringspersonalet. Enkelte peikar også på at det er nødvendig med ulik kompetanse i skolen, inkludert *Barneombodet*, *LO*, *YS* og *Utdanningsforbundet*. *LO* meiner at det er naturleg for å styrke «laget rundt eleven» at lova viser til andre former for kompetanse og yrkesgrupper, som sosialfagleg kompetanse, miljøarbeidarar, barne- og ungdomsarbeidarar osv. Enkelte høyningsinstansar meiner også at det bør lovfestast rådgivingskompetanse i skolen, under tilvising til at det er viktig at elevar får god rådgiving, sjá også innspel omtalt i punkt 44 om rådgiving.

Departementet foreslo i høyringa å heller ikkje innføre krav om helsejukepleiar eller skolehelseteneste i opplæringslova, under tilvising til at dette er regulert i helse- og omsorgstenestelova. Omtrent ti høyningsinstansar gav innspel til forslaget. Enkelte støtter forslaget, mellom anna *Bærum kommune* som presiserer at det er svært viktig at skolar har ei helseteneste, men som likevel sluttar seg til at det ikkje er nødvendig å regulere skolehelsetenesta i opplæringslova. Enkelte høyningsinstansar ønskjer at dette skal lovfestast i opplæringslova, mellom anna *Utdanningsforbundet* og *LO*. *LO* grunngir innspelet sitt med at fysisk nærvær for elevane er basalt, og at det bør vere slike ordningar i alle kommunar.

Berre tre høyningsinstansar har kommentert forslaget om å ikkje vidareføre forskriftsheimelen om helsetilsyn og medisinsk hjelp for elevar som får spesialundervisning. *Barneombodet* støttar forslaget, medan *Organisasjonen Voksne for barn* og *Morbus Addison Forening* ikkje støttar forslaget.

## 50.5 Departementets vurdering

### 50.5.1 Det generelle kravet til kompetanse og kompetanseutvikling

Departementet foreslår, i tråd med høyningsforslaget, å vidareføre både kravet om at kommunane og fylkeskommunane skal ha rett og nødvendig kompetanse i verksemda, og kravet om at kommunane og fylkeskommunane skal sørge for at dei tilsette får utvikle seg pedagogisk og fagleg.

I lys av dette meiner departementet at *NHOs* ønske om at kvar enkelt skole må ha eit system for kompetansekartlegging og kompetanseutvikling, vil utgjere unødvendig detaljregulering.

I motsetning til *Norsk Blindeforbund* og *Skolenes landsforbund* vurderer departementet det ikkje som tenleg at lova skal eksemplifisere eller liste

opp kva som er rett og nødvendig kompetanse på ulike område. Det vil heller ikkje vere mogleg å gi ei uttømmande liste i lova, då behovet vil variere lokalt. Departementet viser også til vurderingane i punkt 50.5.12 under.

Departementet meiner det er grunn til å plassere kravet om at kommunen og fylkeskommunen har den rette og nødvendige kompetansen i skolen, til ein eigen paragraf først i kapittelet. Som *KS* påpeikar, er dette ein generell regel, som det vil vere naturleg at står innleiingsvis i kapittelet før resten av reglane om meir spesifikke krav knytte til personalet i skolen. Departementet foreslår også enkelte språklege justeringar som ikkje er meint å innebere realitetsendringar.

Departementets forslag inneber at kravet om at kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at dei tilsette får utvikle seg pedagogisk og fagleg, skal stå i ein eigen paragraf.

### 50.5.2 Krav til leiing i skolen

#### Krav til forsvarleg leiing ved kvar skole

Departementet foreslår, i tråd med høyningsforslaget, å vidareføre kravet om at kvar skole skal ha ei fagleg, pedagogisk og administrativ forsvarleg leiing. Eit slikt krav til leiinga er avgjerande for at skolen kan drive kontinuerleg kvalitetsutvikling i verksemda. Å fjerne kravet ville signalisere at dei forventningane lovgivar har til korleis skolane skal leiast, er svekte. *Skolenes landsforbund* stiller spørsmål om kva som ligg i dette kravet. Vurderinga av kva som er forsvarleg leiing, er ei skjønnsmessig vurdering. Moment i vurderinga av kva som er administrativ forsvarleg leiing, kan til dømes vere knytte til storleiken på skolen, organisering av leiinga og tilhøyrande ansvarsdeling. Moment i vurderinga av kva som er fagleg forsvarleg leiing, kan til dømes vere i kva grad leiinga legg til rette for god samhandling og godt samarbeid i eigen organisasjon. Kravet er nærmare beskrive i merknaden til paragrafen, der det også er gitt fleire døme på moment som kan inngå i vurderinga.

*Skolen skal leiast av ein rektor, utan høve til å gjere unntak frå rektorkravet*

Departementet foreslår, i tråd med høyningsforslaget, å vidareføre ein lovregel om at skolen skal leiast av ein rektor. Sjølv om kommunane og fylkeskommunane i utgangspunktet fritt bør kunne velje kva funksjonar dei treng for å løyse dei lovpålagde oppgåvene sine, er det tenleg og naturleg med eit

lovkrav om at skolane skal ha ein øvste ansvarleg og dagleg leiar. Av same grunn foreslår departementet å fjerne dagens høve til å gjere unntak frå kravet om at skolen skal leiast av ein rektor. Det har ikkje komme innvendingar til dette i høyringa, og forslaget er i tråd med vurderingane frå opplæringslovutvalet. Lovforslaget inneber også ein fleksibilitet ved at ein rektor framleis skal kunne leie fleire skolar, sjå vurderinga under.

#### *Ein rektor skal framleis kunne leie fleire skolar*

Departementet foreslår å lovfeste at ein rektor kan leie fleire skolar. Dette er ei tydeleggjering i lova av noko som i dag kjem fram av merknadene til dagens lovregel, og er derfor ei vidareføring av gjeldande rett. Departementet har merka seg at enkelte høyringsinstansar ikkje støttar forslaget om at rektor kan leie fleire skolar, mellom anna under tilvising til at det er viktig at rektor er til stades, både av omsynet til personalet og elevane og med tanke på dei viktige oppgåvane rektor har. Departementet meiner likevel at det framleis bør vere opning for at ein rektor kan leie to eller fleire skolar, sidan storleiken på skolane varierer. Føresetnaden er at rektor kan vareta alle oppgåvane sine overfor dei skolane han leier, på ein god og forsvarleg måte. Departementet påpeikar i samband med dette at forslaget til ordlyd i paragrafen om leiinga i skolen tydeleg viser at rektoren skal ta del i den daglege verksemda og arbeide med utviklinga av verksemda, uavhengig av om rektoren leier éin eller fleire skolar.

#### *Reglar om at ein rektor kan tilsetjast på åremål*

Departementet foreslår, i tråd med høyringsforslaget, å ikkje vidareføre dagens reglar i opplæringslova om at ein rektor kan tilsetjast på åremål, då departementet legg til grunn at tilgang til å tilsetje rektor på åremål uansett følgjer av kommunelova. Kommunestyret eller fylkestinget kan bestemme at leiande administrative stillingar skal vere åremålsstillingar, jf. kommunelova § 13-2. I kommunelova skil ein mellom administrasjonen, som er underlagd kommunedirektøren, og dei folkevalde. Ei leiande administrativ stilling må derfor etter kommunelova forståast som alle leiande stillingar i administrasjonen, noko departementet meiner også vil inkludere skoleleiarar. Departementet ser ikkje grunn til dobbeltregulering og foreslår derfor å ikkje ha reglar i opplæringslova om at ein rektor kan tilsetjast på åremål.

#### *Kompetansen til rektor*

Departementet foreslår, i tråd med høyringsforslaget, å vidareføre dagens reglar om at rektor skal ha pedagogisk kompetanse. Det er ikkje krav om formell pedagogisk kompetanse. Realkompetanse er tilstrekkeleg, men må kunne dokumenterast. Dette betyr at den enkelte må ha anten formell kompetanse, kompetanse opparbeidd gjennom praksis eller ein kombinasjon av desse. Kompetansekrav til funksjonar eller stillingar grip inn i det kommunale sjølvstyret og bør i utgangspunktet unngåast. Som opplæringslovutvalet påpeika i NOU 2019: 23, kapittel 38, vil det variera frå skole til skole kor omfattande ansvar rektor har for det pedagogiske arbeidet på skolen, for forvaltning av dei økonomiske midlane til skolen og for dei andre administrative sidene ved skolen. Kva kvalifikasjonar det er rimeleg å krevje av rektor, vil dermed også variere. Det er lokale forskellar med omsyn til leiingsstrukturen til skolane. I delar av landet er det problem med å rekruttere rektord. Departementet meiner eit krav om formell pedagogisk kompetanse i verste fall kan hindre kommunane og fylkeskommunane i å tilsetje den søkjaren dei meiner er best kvalifisert for rektorstillingsa. Samla sett talar dette for ikkje å ha formelle krav til kva utdanning ein rektor skal ha. Departementet meiner likevel, som opplæringslovutvalet, at det lovfesta krava til pedagogisk kompetanse bør førast vidare for å sikre at rektor som øvste leiar av ei pedagogisk verksemd har pedagogisk kompetanse.

Departementet foreslår òg, i tråd med høyringsforslaget, å ikkje vidareføre dagens krav om at rektor skal ha nødvendige leiareigenskapar. Det kan for det første oppfattast uklart kva som ligg i eit slikt krav. Vidare kan eit slikt krav i ei viss grad seiast å følgje av det meir generelle kravet om forsvarleg leiing.

Som departementet peika på i høyringa, viser forsking at pedagogisk leiing har mykje å seie for i kva grad leiinga lykkast med å leie skolen på ein god måte. Rektordar står i dag overfor komplekse utfordringar knytte til mellom anna læringsmiljø og retten elevane har til eit trygt og godt skolemiljø, digitalisering og utvikling av profesjonsfellesskapet. God skoleleiing er også ein sentral føresetnad for å gi meir handlingsrom til kvalitetsutvikling lokalt. Departementet foreslår likevel ikkje å innføre ei plikt for kommunane og fylkeskommunane til å leggje til rette for at nytilsette rektordar kan ta studiepoenggivande utdanning i pedagogisk leiing innan tre år etter tilsettjing. Departementet meiner det er viktig å ikkje avgrense det

kommunale sjølvstyret meir enn nødvendig. Det bør derfor vere opp til kommunane og fylkeskommunane i kva grad dei ønskjer å leggje til rette for at nytilsette rektorar kan ta studiepoenggivande utdanning i pedagogisk leiing. Sjølv om departementet ikkje foreslår å innføre ei slik plikt, forventar departementet likevel at kommunane og fylkeskommunane legg til rette for nødvendig kompetanseutvikling hos alle tilsette, også rektorar. Departementet viser også til forslaget i § 17-8 om å vidareføre kravet om at kommunen og fylkeskommunen skal leggje til rette for kompetanseutvikling.

#### *Ikkje vidareføre plikta for rektor til å organisere skolen i samsvar med læreplanverket*

I tråd med høyringsforslaget foreslår departementet å ikkje vidareføre dagens lovreglar om at rektor har plikt til å organisere skolen i samsvar med til dømes formålet med opplæringa eller læreplanverket, jf. opplæringslova § 2-3 fjerde ledd og § 3-4 andre ledd. Det same gjeld presiseringa av pliktene til lærarane i dei same paragrafane.

Vurderinga til departementet må sjåast i samanheng med forslaga i punkt 11 om opplæringstilbodet, mellom anna forslaget om å lovfeste at opplæringa skal vere i samsvar med måla og prinsippa for opplæringa osv. Departementets vurdering må også sjåast i samanheng med kravet til internkontroll i kommunelova § 25-1.

### **50.5.3 Krav om relevant kompetanse for å bli tilsett i lærarstilling**

#### *Kompetansekrav ved tilsetting i lærarstilling*

Departementet foreslår, i tråd med høyringsforslaget, å vidareføre reglar om kompetansekrav for tilsetting. Ingen høyringsinstansar har spelt inn at det ikkje bør vere slike reglar.

Departementet foreslår å endre nemninga i lova frå «undervisningsstilling» til «lærarstilling». Dette var eit forslag frå opplæringslovutvalet som departementet følgde opp i høyringa. Bakgrunnen for forslaget er å harmonisere ordbruken i lova. Omgrepet «lærarstilling», inkluderer både dei som er tilsette etter hovudregelen i forslaget § 17-3 første ledd om å ha «relevant fagleg og pedagogisk kompetanse», og personar som er tilsette mellombels etter forslaget § 17-3 andre ledd, sjå vurderingane av vilkåra under.

Forslaget inneber, i tråd med dagens reglar, at den som skal tilsetjast, må ha relevant fagleg og

pedagogisk kompetanse, og at departementet kan gi nærmere forskrift om slike krav.

Som påpeika i punkt 2.2 innleiingsvis i proposisjonen har departementet satt i gang eit arbeid med å, i dialog med partane, vurdere om det bør gjerast endringar i reglane for tilsetting i lærarstilling i skolen.

Departementet foreslår vidare at kompetansekrava for tilsetting skal vere oppfylt på tidspunktet for tiltreding i stillinga. Denne forståinga er lagt til grunn etter dagens reglar, sjølv om det ikkje kjem fram eksplisitt av lova. Forslaget inneber derfor ei vidareføring av dagens reglar.

Departementet har merka seg at enkelte høyringsinstansar ønskjer at lova skal presisere at læraren må ha kunnskap i både nynorsk og bokmål. Det har også komme innspel til ønskt kompetanse for dei som skal tilsetjast i ulike typar lærarstillingar. I tråd med prinsippa for regelstyring meiner departementet at lova bør gi overordna reglar, medan meir detaljerte reglar skal stå i forskrift. Dei nærmere krava til tilsetting på ulike trinn osv. vil derfor fastsetjast i forskrift, jf. forskriftsheimelen i lovforslaget § 17-3 tredje ledd.

#### *Reglar om mellombels tilsetting og tilsetting på vilkår*

Departementet foreslår, i tråd med høyringsforslaget, å vidareføre dagens reglar om mellombels tilsetting og tilsetting på vilkår. Departementet viser til vurderinga frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 38.4.3:

For at elevene likevel skal få undervisning, mener utvalget at det er nødvendig å åpne for midlertidige tilsettingar. Alternativet er at det ikke kan gis opplæring, eller at kvalifiserte lærere får ansvaret for å undervise flere enn det som er pedagogisk forsvarlig. Utvalget mener derfor at det fortsatt må åpnes for midlertidige tilsettingar av undervisningspersonele.

Departementet legg vekt på dei nemnde vurderingane frå opplæringslovutvalet, som også er i tråd med høyringsinnspelet frå KS om at slike reglar er heilt nødvendige for at skolane skal kunne halde skolekvarden i gang.

Når det gjeld *Oslo kommunes* ønske om synleggjering av koplinga til reglane i arbeidsmiljølova, meiner departementet det er tilstrekkeleg at dette er beskrive i merknadene til regelen.

I høgsterettsdommen frå 2016, HR-2016-2229-A, kom fleirtalet til at søkjarar som ikkje oppfyller krava til kompetanse, kan tilsetjast mellombels

også dersom det finst søkjarar som oppfyller dei formelle kompetansekrava i forskrifta, men som kommunen eller fylkeskommunen vurderer som ueigna for stillinga. Få høyringsinstansar har uttalt seg om Högsteretts forståing bør presiserast i ordlyden. Etter vurderinga til departementet vil ei slik presisering kunne gi eit feilaktig signal om at kommunane og fylkeskommunane i større grad enn etter dagens reglar skal kunne leggje vekt på om ein søker er personleg eigna for stillinga. Departementet foreslår derfor ikkje å presisere ordlyden på dette punktet og meiner det er tilstrekkeleg å gjere dette tydeleg i merknadene til paragrafen.

#### **50.5.4 Krav om relevant kompetanse for å kunne undervise i fag**

##### *Krav om relevant kompetanse i undervisningsfaga*

Departementet foreslår, i tråd med høyringsforslaget, å vidareføre kravet om at dei som skal undervise, skal ha relevant kompetanse i undervisningsfaga. Forslaget inneber at det blir tydelegare enn i dagens lov at krava er retta mot kommunane og fylkeskommunane, og ikkje mot kvar enkelt lærar. Det vil komme fram av forskrift om det stilles krav for dei enkelte faga og kva krava består i. Dei konkrete kompetansekrava er derfor ikkje vorte vurderte i denne proposisjonen.

##### *Unntak dersom det er nødvendig fordi skolen ikkje har nok tilsette som oppfyller krava*

Forslaget vidarefører moglegheita for kommunane og fylkeskommunane til å fråvike krava der som skolen ikkje har nok lærarar med relevant kompetanse i faget. Dersom ein kommune eller ein fylkeskommune vedtek å fråvike krava, må dette gjerast for kvar enkelt lærar og for kvart enkelt fag, og kommunen eller fylkeskommunen må minst ein gong per skoleår vurdere om det framleis er nødvendig å fråvike kravet.

##### *Unntak for mellombels tilsette*

Departementet foreslår, i tråd med høyringsforslaget, å vidareføre dagens reglar om at kravet til relevant kompetanse i undervisningsfaga ikkje gjeld for mellombels tilsette. Med mellombels tilsette siktar ein til både dei som er tilsette etter reglane i forslaget § 17-3 andre ledd, og dei som er tilsett mellombels etter arbeidsmiljølova (vikarar). I dagens lov er dei ulike gruppene mellombels tilsette nemnde i unntaksregelen, medan departe-

mentet meiner det er tilstrekkeleg at unntaket refererer til «mellombels tilsette». Dette er berre meint som ei regelteknisk forenkling og utgjer inga realitetsendring.

##### *Unntak for lærarar som oppfylte eitt av krava for å bli tilsett som lærar før 1. januar 2014, og for lærarar som har fullført tidlegare allmennlærarutdanning*

Då kravet om relevant kompetanse i undervisningsfag vart innført i 2014 (vedteke av Stortinget i 2012), gjaldt det ikkje for dei lærarane som alleie oppfylte kravet for tilsetjing. Lovendringa gjaldt berre dei som oppfylte kravet til tilsetjing etter at dei nye reglane tok til å gjelde. Iverksetjinga skjedde rett før det første kullet lærarar med ny grunnskolelærarutdanning og meir fagleg fordjuping vart ferdig utdanna våren 2014. Reglane gjaldt derfor for dei nye grunnskolelærarane, men ikkje for dei som hadde tidlegare allmennlærarutdanning. For å likebehandle alle med allmennlærarutdanning vart det også innført eit unntak for dei få allmennlærarane som ville fullføre utdanninga etter 1. januar 2014 (til dømes på grunn av foreldrepermisjon).

Unntaksregelen om allmennlærarar og dei som oppfylte krava for tilsetjing før 1. januar 2014, vart oppheva i 2015. Dette er det som er omtalt som «avskilting» av lærarar. I 2017 vart det likevel innført eit unntak for den same gruppa lærarar, i form av ein tidsavgrensad dispensasjon som varer til 1. august 2025, sjå beskrivinga av dagens reglar over.

Departementet foreslår, i tråd med høyringa våren 2022, å gjeninnføre det generelle unntaket frå kravet om relevant kompetanse i undervisningsfaget for dei lærarane som er utdanna før 2014. Eit slikt unntak kan forhindre at lærarar som har jobba i skolen i mange år, opplever at dei ikkje er kvalifiserte etter regelverket i fag dei har lang undervisningserfaring i, noko også høyringsinnspeila frå *Utdanningsforbundet* og *Skolenes landsforbund* støttar opp under. Etter vurderinga til departementet vil eit slikt unntak kunne bidra til å behalde fleire kvalifiserte lærarar i skolen, ved å redusere talet på lærarar som ønskjer å skifte yrke eller pensjonere seg tidleg. Dette dreier seg om lærarar som gjennom mange år har opparbeidd seg stor kompetanse som er viktig for skolen.

Enkelte høyringsinstansar meiner at unntaksperioden fram til 2025 har vore lang nok, at den faglege kompetansen til lærarane er viktig for læringa til elevane, og at omsynet til kvalitet i opplæringa må vere avgjerande. Til dette gjer departe-

tementet merksam på at forslaget ikkje betyr at departementet er mindre oppteke av å styrke kompetansen til lærarane enn før. Departementet meiner at det er viktig å auke den formelle kompetansen til lærarane og skoleleiarane gjennom vidareutdanning i ulike fag og tema. Tilskotsordninga for lokal kompetanseutvikling gir skoleeigarane støtte til å vurdere og planleggje kollektiv kompetanseutvikling ut frå eigne behov. Departementet viser også til at det i september 2021 vart utnemnt eit offentleg utval for å vurdere ulike modellar for etter- og vidareutdanning for alle tilsette i barnehage, grunnskole, vidaregåande skole, kulturskole, opplæring særskilt organisert for vaksne, og i fag- og yrkesopplæringa i både skole og bedrift. Utvalet skulle i tillegg sjå på korleis andre tilsette i «laga rundt eleven» og skolefritidsordninga kan inkluderast. Utvalet leverte 28. september 2022 sin NOU 2022: 13 *Med videre betydning*. NOU-en var deretter på høyring, med frist for høyringsinnspeil 28. februar 2023. Departementet jobbar, i samarbeid med Utdanningsdirektoratet, med oppfølginga av NOU-en og høyringa av denne.

Departementet gjer merksam på at det har vore forventa at skoleeigarane skulle prioritere vidareutdanning for å kunne overhalde kompetansekrava innan den noverande lovfestes dispensasjonen sluttar å gjelde 1. august 2025. Ein permanent unntaksregel vil etter vurderinga til departementet støtte opp under tillitsreforma. Kommunane og fylkeskommunane har ulikt rekrutteringsgrunnlag, ulike behov og ulike høve til å prioritere vidareutdanning. Det er derfor viktig med kompetanse- og utviklingstiltak som opnar for lokale prioriteringar, og KS har i høyringsfråsegnen si peika på at ei gjeninnføring av unntaket vil gi kommunane og fylkeskommunane betre moglegheit for å tilby etter- og vidareutdanning i tråd med lokale behov.

Departementets forslag inneber ein unntaksregel om at kravet om relevant kompetanse i undervisningsfaget ikkje skal gjelde dei lærarane som oppfylte tilsetningskrava før 1. januar 2014. Forslaget til unntaksregel gjeld også dei som fullførte tidlegare allmennlærarutdanning etter 1. januar 2014. Denne gruppa har vore inkludert i unntaks- og dispensasjonsreglane fram til no, og ei slik utforming av unntaksregelen vil sikre at alle med allmennlærarutdanning blir likebehandla, også dei som av ulike grunnar var forseinka i utdanninga. Studentane hadde eksamensrett ut 2015, og det var mogleg for universiteta og høgskolane å tilby eksamen etter allmennlærarutdanninga fram til 31. desember 2017.

### 50.5.5 Krav om kontaktlærar

Departementet foreslår, i tråd med høyringsforslaget, å vidareføre dagens reglar om at alle elevar skal ha ein kontaktlærar som har særleg ansvar for eleven, for kontakten med heimen og ansvar for administrative, sosiale og pedagogiske gjermål i klassen. Det er ein fordel at både elevar og foreldre har ein fast person dei kan vende seg til på skolen. Alle høyringsinstansane som har uttalt seg om dette forslaget, støttar det.

Forslaget gir, som i dag, rom for at det kan vere fleire kontaktlærarar i éin klasse, men kvar av elevane i klassen skal då berre ha éin av dei som kontaktlæraren sin.

### 50.5.6 Utlysing av stillingar og val mellom søkerar

#### Utlysing av stillingar

Departementet foreslår, i tråd med opplæringslovutvalet, å ikkje vidareføre reglane i opplæringslova § 10-4 om at undervisningsstillingar og rektorstillingar skal lysast ut offentleg.

Ledige statlege stillingar skal lysast ut eksternt, jf. statstilsettelova § 4. Det kjem ikkje fram uttrykkjeleg av noko regelverk at det same gjeld for ledige stillingar i kommunane og fylkeskommunane. Dette er likevel den klare hovudregelen, ifølgje mellom anna Sivilombodet. I NOU 2019: 23, kapittel 38.4.6 viste opplæringslovutvalet til at Sivilombodet grunngir hovudregelen om ekstern utlysing med at offentlege stillingar byggjer på det ulovfesta kvalifikasjonsprinsippet, som føreset at offentlege stillingar blir kunngjorde på ein slik måte at aktuelle søkerarar får allmenn kunnsskap om den ledige stillinga, slik at den som samla sett er best kvalifisert, blir tilsett. Sivilombodet viste også til at manglande utlysing lett kan skape mistanke om at det kan ligge usaklege omsyn til grunn for ei tilsetjing. Sivilombodet peika på at det unntaksvi, og etter ei konkret vurdering, kan reknast som sakleg å la vere å lyse ut ei ledig stilling, til dømes ved akutt bemanningsbehov. Sivilombodet meinte terskelen for å la vere å lyse ut er høgare desto meir ettertrakta eller høgare stillinga er.

Opplæringslovutvalet meinte at det ikkje er behov for å presisere i særlovgivinga at lærarstillingar og rektorstillingar skal lysast ut offentleg, og at det heller ikkje er nødvendig å ha særreglar om unntak for kortare vikariat eller engasjement. Dette vil slik utvalet ser det, også harmonere betre med andre regelverk som kommunane for-

valtar, til dømes barnehagelova og barnevernlova.

Departementet sluttar seg til vurderinga frå utvalet. Departementet legg til grunn at det som ein klar hovudregel uansett vil gjelde eit krav om offentleg utlysing for stillingar i skolen, inkludert for vikariat. Det er derfor ikkje behov for å regulere dette særskilt i opplæringslova.

#### *Lovregulere kvalifikasjonsprinsippet ved val mellom søkerar*

Departementet foreslår å vidareføre lovfestinga av kvalifikasjonsprinsippet ved tilsetjingar i skolen. Paragrafen lovfestar eit alminneleg prinsipp om at den best kvalifiserte søkeren skal veljast ved tilsettjing i ei offentleg stilling. Dette prinsippet (ofte kalla kvalifikasjonsprinsippet) er utvikla og stadfesta gjennom rettspraksis, forvaltningspraksis, praksis hos Sivilombodet og juridisk teori.

Opplæringslovutvalet meinte at det ikkje er nødvendig å lovfeste kvalifikasjonsprinsippet, og foreslo å ikkje vidareføre regelen. Utvalet viste til at prinsippet allereie følgjer av ulovfesta rett, og at det ikkje er naturleg å lovfeste kvalifikasjonsprinsippet særskilt for opplæringsverksemd, som berre er éin av fleire verksemder i ein kommune eller fylkeskommune. Utvalet uttalte vidare at det bør vere godt kjent at det ikkje gjeld eit ansiennitetsprinsipp ved tilsetjingar i skolen. I tillegg viste utvalet til at kvalifikasjonsprinsippet er teke inn i hovudtariffatalane mellom partane i kommunal sektor.

Departementet har merka seg vurderinga og konklusjonen frå utvalet og er samd i mange av argumenta frå utvalet. Departementet meiner likevel at det på bakgrunn av innspel frå høyningsinstansane er grunn til å behalde lovfestinga av kvalifikasjonsprinsippet ved tilsetjingar i skolen.

Bakgrunnen for å vedta regelen i dagens opplæringslov var at lovgivar meinte det var behov for å klargjere at personlege eigenskapar er eit relevant kriterium ved tilsetjingar, og at kommunane og fylkeskommunane kan bruke intervju i tilsettjingsprosessen. Departementet er samd med utvalet i at desse forholda i større grad enn tidlegare er kjende i utdanningssektoren, og at ei lovfestning derfor kan synast unødvendig. Departementet vil likevel vise til at kvalifikasjonsprinsippet er lovfesta i statstilsettelova § 3. Då denne paragrafen vart foreslått, meinte Kommunal- og moderniseringsdepartementet at lovfestning av den ulovfesta regelen kunne bidra til å styrke rett-

stryggleiken til den enkelte. Statstilsettelova gjeld ikkje for tilsetjingar i kommunal og fylkeskommunal sektor. Etter ei samla vurdering meiner departementet derfor at det er tenleg å lovfeste kvalifikasjonsprinsippet også i opplæringslova. Departementet vektlegg her omsynet til rettstryggleiken til arbeidssøkjarane og pedagogiske omsyn og meiner dette må vege tyngre enn omsynet til å unngå regulering av ein ulovfesta regel. Departementet foreslår derfor, i tråd med høyingsforslaget, å vidareføre regelen som gir uttrykk for kvalifikasjonsprinsippet i ny opplæringslov, med ein ordlyd som er tilnærma lik ordlyden i statsansattelova § 3.

Når det gjeld innspellet frå *Nord universitet*, noterer departementet at endringa av ordlyden frå dagens reglar ikkje er meint å innebere ei realitetsendring, men er som påpeika over eit grep for å gjere reglane likare dei tilsvarende reglane i statsstilsettelova.

#### **50.5.7 Tariffavtalar om lønns- og arbeidsvilkår**

Dagens lov § 10-10 opnar for at staten kan inngå tariffavtalar om lønns- og arbeidsvilkåra til lærarane, som er bindande for kommunane og fylkeskommunane.

Departementet foreslår, i tråd med høyingsforslaget, å ikkje vidareføre dagens reglar, då reglane ikkje er nødvendige. Dette inneber også at dagens forskrift om forhandlingsansvar for lærere, som er heimla i dagens lov § 10-10, ikkje blir vidareført.

Ordninga er no slik at kommunane og fylkeskommunane er tariffpart ved forhandlingar med arbeidstakarorganisasjonar om lønns- og arbeidsvilkår for undervisningspersonale i dei grunnskولane og vidaregåande skolane der kommunar eller fylkeskommunar er eigar. Kommunane og fylkeskommunane har ansvaret for mange ulike yrkesgrupper og velferdsmråde og vil med mindre noko anna er regulert vere tariffpart ved forhandlingar med arbeidstakarorganisasjonar som representerer eigne tilsette. Det har derfor i dag inga praktisk betyning at forskrifter som gjeld den tidlegare overføringa av forhandlingsansvaret ikkje blir vidareført. Dersom staten igjen ønskjer å inngå tariffavtalar om lønns- og arbeidsvilkåret til lærarane som er bindande for kommunane og fylkeskommunane, bør saka leggjast fram for Stortinget i form av eit lovforslag.

### 50.5.8 Undervisningspersonalet ved leirskolar

Utvalet foreslo å ikkje vidareføre kravet om at kommunen skal tilsetje undervisningspersonale ved leirskolar med fast pedagogisk bemanning, og departementet sin heimel til å gi forskrifter om kompetansekrav for personalet ved leirskolar. Utvalet viste til at det er urimeleg at vertskommunane blir pålagde å tilsetje fast undervisningspersonale ved leirskolar som etablerer seg der. Utvalet meinte dette synest særleg urimeleg når det ikkje er fastsett kvalifikasjonskrav for personalet, og det uansett er heimkommunen til elevane som har ansvaret for at opplæringa ved leirskoleopp-hald eller andre skoleturar er i samsvar med regelverket.

Departementet meiner det kan vere gode grunnar til å endre dagens regel, men ønskjer ikkje å gjere dette no, då dette ikkje er tilstrekkeleg greidd ut. Kva konsekvensar ei endring i tråd med forslaget frå utvalet kan få for finansieringa av leirskoletilboda og kompetansen til undervisningspersonalet ved leirskolane, er blant forholda departementet eventuelt må sjå nærmare på.

Departementet foreslår derfor å vidareføre dagens reglar om at undervisningspersonalet ved leirskolar med fast pedagogisk bemanning skal vere tilsette i den kommunen der leirskolen ligg, og at departementet kan gi forskrifter om kompetansekrav for personalet ved faste leirskolestader.

### 50.5.9 Fagleg ansvar for opplæringa

Basert på eit forslag frå opplæringslovutvalet høyrdé departementet ope spørsmålet om det bør innførast ein regel om at opplæring skal førebuast og følgjast opp av ein lærar, og at ein lærar som hovudregel skal vere til stades saman med elevane i opplæringssituasjonen.

Forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 38, om at det bør innførast ein slik regel, baserte seg på ei vurdering av at det er uklart kva oppgåver som ligg til det faglege ansvaret for opplæringa, og at det er fornuftig å presiere dette i den nye lova.

Når det gjeld kva presiseringar som bør gjerast i lova, meinte opplæringslovutvalet for det første at opplæringa må førebuast av ein lærar, etter som det er lærarar som har den kompetansen som er nødvendig for å lage eit godt opplegg for opplæringa. Utvalet meinte vidare at opplæringa må følgjast opp av ein lærar, ettersom dette gir best føresetnader for vurdering og for alle former for opp-læring i skolen, inkludert individuelt tilrettelagd

opplæring. Ifølgje utvalet bør det vere stor fagleg fridom i kva som skal reknast som førebuingar og oppfølging.

Vidare meinte opplæringslovutvalet at det faglege ansvaret til læraren inneber at den klare hovudregelen bør vere at ein lærar er til stades saman med elevane i opplæringssituasjonen. Utvalet foreslo ikkje å lovregulere unntak frå hovudregelen, men i beskrivinga av forslaget sitt viste utvalet til enkelte situasjonar der opplæringa kan skje utan at lærar er til stades, utan at dette er meint å vere uttømmande. Eit av døma utvalet trekte fram, er yrkesfagleg fordjuping i vidaregåande opplæring, der elevane får opplæring i bedrift. Andre døme som utvalet trekte fram, er fjernundervisning og bruk av alternativ opplæringsarena.

Departementet meiner, slik departementet gav uttrykk for i høyrsingsnotatet, at forslaget frå utvalet om å lovfeste eit krav om at ein lærar som hovudregel må vere til stades saman med elevane i opplæringssituasjonen, saman med eit tydelegare krav om at berre lærarar kan førebu og følgje opp opplæringa, kan gi betre føresetnader for at retten elevane har til ei forsvarleg opplæring, og at retten til vurdering blir oppfylt.

Departementet foreslår likevel å ikkje innføre eit slik krav som utvalet foreslo. Ei eventuell innføring av eit slik lovkrav krev ytterlegare utgreiing, då vi har for lite kunnskap om konsekvensane av ein slik regel.

I høyrsingsnotatet bad departementet om tilbakemelding på praktiske og økonomiske konsekvensar av ei slik lovpresisering, om ein slik lovregel er tenleg og mogleg å gjennomføre.

Enkelte høyrsinstansar meiner det kan vere utfordrande å innføre ein slik regel, særleg med tanke på tilgang på lærarar.

Forslaget frå utvalet innebar at det som hovudregel skal gjelde eit krav om at læraren er til stades saman med elevane. Utvalet foreslo å ikkje regulere unntakstilfelle i lova, men skisserte enkelte døme på unntak. Fleire høyrsinstansar har uttrykt ulike meningar om kva unntak som bør gjelde, og enkelte har uttrykt uvisse om kva unntak som kan godtakast i den skjønnsmessige vurderinga som må gjerast.

Departementet meiner det ikkje er mogleg å regulere uttømmande kva unntak som skal gjelde, og at ein eventuell slik regel derfor må vere skjønnsmessig. Departementet meiner at det vil vere utfordrande å avgjere kva unntak som kan godtakast, og kvar ein eventuelt skal leggje lista for unntak. Eitt døme er spørsmålet om det krev ein ekstra lærar dersom ein lærar deler klassen i

to med den ene delen av klassen ute og den andre delen av klassen inne. Dersom svaret er ja, kan det leggje unødvendige sperrer for å drive innovativ, kreativ og utforskande undervisning. Eit liknande døme er tilfelle der elevar jobbar med gruppearbeid og har behov for å spreie seg over større areal enn klasserommet. Mange nye skolar har i dag areal i tilknyting til klasserom som legg til rette for meir fleksibel organisering som fremjar opplæringa til elevane. Eit anna døme er om det skal vere mogleg for ein lærar å ta ut ein elev for samtale medan klassen jobbar med tilrettelagde oppgåver. Det kan vidare setjast spørjeteikn ved kva som vil skje dersom læraren er sjuk og det ikkje er mogleg å få vikar.

Departementet meiner også at ein regel med krav om at læraren er til stades, ikkje synest å passe med korleis opplæringa i ulike fag i vidaregåande opplæring går føre seg. Som vist til over peika utvalet på at faget yrkesfagleg fordjuping (YFF) kan skape utfordringar for eit slikt krav. Elevar som har eigentreining i kroppsøving, noko som ligg i læreplanane, kan også skape utfordringar for eit slikt krav.

Som vurderinga over og innspela frå høyringa indikerer, kan det oppstå uklarleikar med tanke på kvar lista for unntak skal ligge. Ein skjønnsmessig regel, med uklare vurderingskriterium, kan vere vanskeleg å praktisere for skolane og vanskeleg å utføre tilsyn med for statsforvaltarane.

Når det uansett vil vere behov for omfattande unntaksmogleigheter, er departementet ikkje overtydd om at det vil vere tenleg med ein slik regel, når andre reglar i opplæringslova uansett vil bidra til god og forsvarleg opplæring. Departementet viser også til at forslaget frå opplæringslovutvalet om at læraren må vere til stades, var eitt av fleire forslag som skulle erstatte kravet om lærartettleik, som utvalet foreslo å oppheve. I punkt 14 foreslår departementet å vidareføre reglar om krav til lærartettleik. Å ha ein regel om lærarnær vær i tillegg til dette, vil derfor innebere ei strammare styring enn i dag, både av kommunsektron og av organiseringa av skolane og undervisninga, noko som i utgangspunktet ikkje er ønskjeleg.

I høyringa skisserte departementet eit alternativ til at krav om fagleg ansvar og nærvær skal gjelde generelt, nemleg at slike krav berre skal gjelde for individuelt tilrettelagd opplæring. Ingen av høyringinstansane støttar primært det alternative forslaget. Departementet vil ikkje foreslå å innføre eit slikt krav berre for individuelt tilrettelagd opplæring. For elevar som får individuelt tilrettelagd opplæring, vil til dømes forslaget om

personleg assistanse og fysisk tilrettelegging, som i dag kan inngå i spesialundervisning, sjå forslaga til §§ 11-4 og 11-5, og forslaget om å presisere i lova at det som hovudregel berre er personar som er tilsette i lærarstilling, som kan gi individuelt tilrettelagd opplæring, sjå forslaget til § 11-9, bidra til at elevane får ei forsvarleg opplæring.

Departementet foreslår, i tråd med vurderingane i høyringa, å i hovudsak vidareføre dagens reglar om at dei som ikkje er tilsette i lærarstilling, ikkje kan ha ansvaret for opplæringa, sjå forslag til § 17-6 og omtalen i punkt 50.5.10.

### **50.5.10 Personale som hjelper til i opplæringa**

Departementet foreslår å vidareføre at anna personale enn dei som er tilsette i lærarstilling, kan hjelpe til i opplæringa, og å vidareføre kravet om rettleiing av personale som hjelper til i opplæringa.

Opplæringslovutvalet foreslo å ikkje vidareføre desse reglane, under tilvising til forslaget sitt om å gjere tydeleg kva oppgåver berre ein lærar kan gjere. Utvalet meinte at det å gi dei som hjelper læraren, nødvendig rettleiing, er ei sentral oppgåve i utøvinga av det profesjonelle ansvaret ein lærar har, og at det derfor er unødvendig å vidareføre ei lovfesta plikt til å rettleie desse.

Departementet meiner at det er viktig å framheve betydninga av at personale som hjelper til i undervisninga, får god rettleiing sidan dei kan ha ein viktig funksjon i skolen. God rettleiing bidreg både til at elevane får den opplæringa dei skal ha, og at elevane opplever at skolemiljøet er trygt og godt. Departementet meiner at rettleiingsplikta er så viktig at ho bør komme tydeleg fram i lova. Å fjerne kravet til rettleiing av personale som hjelper til i opplæringa, kan sende eit uheldig signal til sektor om at slik rettleiing ikkje blir rekna like viktig som før.

Det vil vere kommunane og fylkeskommunane sitt ansvar å sorgje for at dei som hjelper til i opplæringa, får nødvendig rettleiing, og at det blir sett av nok tid og ressursar for dei som skal rettleie.

Opplæringslovutvalet foreslo i NOU 2019: 23 å bruke «assistent» som fellesnemning på dei som hjelper til i opplæringa, men som ikkje er tilsette i lærarstilling. Departementet foreslår å ikkje bruke omgrepene «assistent», men å heller omtale denne gruppa som personale som hjelper til i opplæringa. Omgrepene «assistent» er etter departementet syn ikkje beskrivande for den variasjonen av tilsette som regelen er meint å omfatte. Departementet viser i det høvet til merknadene til dagens reglar, i Prop. 129 L (2012–2013), der det

står det at «[b]estemmelsen omfatter alle som hjelper til i opplæringen og som ikke er ansatt i undervisningsstilling, både ufaglærte assistenter, barne- og ungdomsarbeidere med fagbrev fra videregående opplæring eller fagpersoner med høyere utdanning».

### 50.5.11 Vikarar

Departementet foreslår å lovfeste eit krav om at kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at skolane har tilgang på vikarar ved vanleg og venta fråvær.

Opplæringslovutvalet foreslo i NOU 2019: 23 å innføre eit krav om at kommunane og fylkeskommunane må ha ei forsvarleg vikarordning, og meinte at eit slikt krav var viktig for å nå intensjonen med hovudregelen om lærarnærvær, og at det har mykje å seie for høvet elevane har til å få eit forsvarleg utbytte av opplæringa. Utvalet viste til at bruk av assistenter som vikarar, eller at det ikkje blir sett inn vikarar, er ei vanleg utfordring.

Som enkelte høyringsinstansar påpeikar, kan det setjast spørjeteikn ved om det er nødvendig å lovfeste eit krav til forsvarleg vikarordning. Det kan hevdast at det uansett følgjer av andre reglar at kommunane og fylkeskommunane må ha tilgang på vikarar, til dømes forslaget § 17-1 om at kommunane og fylkeskommunane har ansvar for å sørge for rett og nødvendig kompetanse i verksemda. Vidare vil eit eige krav om forsvarleg vikarordning kunne seiast å gripe for mykje inn i det kommunale sjølvstyret og fridommen kommunane og fylkeskommunane har til å organisere verksemda.

Departementet vil ikkje foreslå å innføre eit krav om *forsvarleg* vikarordning, slik utvalet foreslo, men meiner likevel at det bør synleggjera i lova at skolane skal ha tilgang på vikarar, noko som kan bidra til å løfte forståinga kommunane og fylkeskommunane har for korleis dei løysar behovet for vikarar, og bidra til at elevane får ei god opplæring. Funn frå tilsyn både med offentlege skolar og privatskolar i 2019 avdekte at elevar med spesialundervisning ikkje får same årstimetal som andre elevar. Det kan vere ulike grunnar til dette, men éi årsak kan vere at det ikkje blir sett inn vikarar. Også for elevar som ikkje får individuell tilrettelegging, er det viktig at det blir sett inn vikarar, og at vikarane har så god kompetanse som mogleg. Departementet meiner derfor at eit krav om at skolane har tilgang på vikarar ved varig og forventa fråvær, bør presiserast i lova for å synleggjere ansvaret kommunane og fylkeskommun-

nane har for å setje inn vikarar når det er nødvendig. Sjå forslaget til § 17-7.

Vikarar skal fylle dei same krava til kompetanse for tilsetjing som anna undervisningspersone. Dersom det ikkje finst søkjrar til vikariatet som oppfyller kompetansekrava, kan ein annan tilsetjast etter dei reglane som då gjeld, sjá omtale over i punkt 50.5.3. Det er ikkje realistisk, trass i ønske frå enkelte høyringsinstansar, å krevje at alle vikarar oppfyller kompetansekrava for ei lærarstilling. Det er likevel eit klart utgangspunkt at skolane i stort mogleg grad skal bruke personar som oppfyller kompetansekrava som vikarar, i tråd med reglane for tilsetjing i lærarstilling. God planlegging er avgjerande for å få til dette på ein god måte.

At skolane skal ha tilgang til vikarar ved «vanleg og venta fråvær», betyr at kommunen og fylkeskommunen må vurdere kva som er sannsynleg framtidig fråvær i verksemda, til dømes ved å ta utgangspunkt i tidlegare års fråvær eller annan kunnskap og erfaring som kan seie noko om kor mykje fråvær som kan forventast. Det er opp til kvar enkelt kommune og fylkeskommune om dei vil nytte lærarar ved skolen som vikarar, anten i eigne stillingar eller prosentdelar av lærarstillingane, eller om dei vil ha eigne vikarpollar eller liknande.

### 50.5.12 Fleirfagleg kompetanse i skolen og helsejukepleiar

#### *Ikkje krav om annan bestemt kompetanse*

Departementet foreslår at opplæringslova ikkje skal stille krav til å ha fleire yrkesgrupper med ulik kompetanse i skolen.

I høyringa drøfta departementet om det bør stillast krav om til dømes vernepleiarar, barneværnspedagogar, psykologar og sjukepleiarar. Departementet meinte det var viktig med ulik kompetanse i skolen, men konkluderte med at det ikkje bør innførast krav om annan bestemt kompetanse enn lærarkompetanse, mellom anna under tilvising til at eit slikt krav vil vere ei sterkt innblanding i det kommunale handlingsrommet. Departementet meinte, til liks med opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 38, at det er tilstrekkeleg å vidareføre reglane om at kommunen og fylkeskommunen skal ha rett og nødvendig kompetanse i verksemda.

Departementet er samd med dei høyringsinstansane som påpeikar viktigheita av å ha ulik kompetanse i skolen, men ser likevel ikkje grunn til å regulere særskilt kva kompetanse som skal

krevjast. Det generelle kravet i forslaget § 17-1 om at kommunen og fylkeskommunen har ansvar for å ha den rette og nødvendige kompetansen, vil innebere at skolane må sørge for rett og ulik kompetanse. Dette inneber til dømes at skolane må sørge for å ha tilsette med relevant kompetanse for å sikre at retten elevane har til eit godt skolemiljø, blir varetaken. Eit anna døme er at skolane også må ha tilsette som varetak dei elevane som har rett til individuell tilrettelegging. I nokre tilfelle vil dette innebere at skolane må ha tilgang til tilsette med spesialpedagogikk eller annan kompetanse som er nødvendig for å vareta behovet til elevane for tilrettelegging. Sjå også punkt 50.5.1 over. Departementet viser også til punkt 25, der departementet foreslår å innføre ein ny regel om at det kan gjerast unntak frå kompetansekrava i forslaget §§ 17-3 og 17-4 for den som skal gi individuelt tilrettelagd opplæring, dersom personen som skal undervise, har ei universitets- eller høgskoleutdanning som gjer hen særleg eigna til å vareta behovet til eleven, sjå forslaget til § 11-9 andre ledd.

Departementet meiner at forslaga som det er gjort greie for i avsnittet over, sett i samanheng med dei andre forslaga til reglar i den nye opplæringslova, inneber at oppmodingsvedtaka frå Stortinget, gjort greie for i punkt 50.1, er tilstrekkeleg vurderte og varetatt. I tillegg til lovforsлага viser departementet til at det er sett i gang eit varig kompetanseløft i spesialpedagogikk og inkluderande praksis som skal bidra til at kommunane og fylkeskommunane har tilstrekkeleg kompetanse til å førebyggje, fange opp og følgje opp alle barn og elevar – inkludert elevar med behov for særskild tilrettelegging – slik at dei får eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod i barnehage og skole. Dette omfattar også ei styrking av vidareutdanningstilbod i spesialpedagogikk for lærarar i barnehage og skole. I tillegg skal endringane i Statped bidra til meir likeverdige tenester frå Statped over heile landet når det gjeld barn og elevar med varige, omfattande eller særleg komplekse behov.

#### *Ikkje krav om helsejukepleiar i opplæringslova*

Departementet foreslår, slik som i høyringa, å ikke regulere krav om helsejukepleiar eller skolehelseteneste i den nye opplæringslova. Dette er også i tråd med vurderinga frå opplæringslovutvallet i NOU 2019: 23, kapittel 38. I dag er det krav i helse- og omsorgstenestelova om at kommunane må ha knytt til seg helsejukepleiar, og det er krav

om at kommunane har skolehelseteneste. Den enkelte kommunen har stor fridom i utforminga og omfanget av tenesta og i bruken av ulike yrkesgrupper.

Moglegheita for ei bindande minimumsnorm i skolehelsetenesta har vore greidd ut. Helsedirektoratet har tilrådd at det ikkje blir sett ei juridisk bindande bemanningsnorm, fordi det vil vere eit for stort inngrep i det kommunale sjølvstyret. Ei slik norm vil også avgrense moglegheitene for å tilpasse bemanninga i tenesta etter lokale behov.

Enkelte høyingsinstansar er ikkje samde i høyingsforslaget, men har ikkje grunngitt kvifor det ikkje er tilstrekkeleg å ha reglar om dette i helse- og omsorgstenestelova. Etter vurderinga til departementet bør ikkje reglane om helsejukepleiar og skolehelseteneste blir flytta frå helse- og omsorgstenestelova til opplæringslova. Utforminga av reglane om skolehelsetenesta bør sjåast i samanheng med reguleringa av dei andre helsestenestene i kommunane. Departementet foreslår også å vidareføre at elevar skal få rådgiving om sosiale og personlege forhold på skolen dei går på, sjå punkt 44 om rådgivingstenesta. Skolen skal også ved behov hjelpe elevar med å finne dei rette hjelpeinstansane og formidle kontakt med desse dersom eleven treng hjelp eller råd om forhold som ikkje nødvendigvis har noko å seie for opplæringa og forholda til eleven på skolen.

#### *Ikkje heimel for forskrift om helsetilsyn i spesialundervisning*

Departementet kan i dag gi forskrift om helsetilsyn og medisinsk hjelp for elevar som får spesialundervisning etter opplæringslova § 5-8. Forskriftsheimelen er ikkje teken i bruk. Departementet foreslår å ikke vidareføre forskriftsheimelen. Alle elevar, inkludert elevar som får individuelt tilrettelagd opplæring, er omfatta av dei alminnelege reglane om skolehelsetenesta i helse- og omsorgstenestelova § 3-2 og forskrift om kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skolehelsetjenesten.

## **50.6 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å vidareføre kravet om at kommunane og fylkeskommunane skal ha rett og nødvendig kompetanse i verksemda, og kravet om å leggje til rette for kompetanseutvikling, sjå forslaga til §§ 17-1 og 17-8

- å vidareføre at opplæringa i skolen skal leiast av rektorar, og det generelle kravet om forsvarleg leiing, sjå forslaget til § 17-2
- å ikkje vidareføre høvet til å gjere unntak frå rektorkravet
- å gjere tydeleg i lova at ein rektor kan leie fleire skolar, sjå forslaget til § 17-2 andre ledd tredje punktum
- å vidareføre kravet om at rektor skal ha pedagogisk kompetanse, sjå forslaget til § 17-2 andre ledd andre punktum
- å vidareføre kompetansekraava for tilsetjing i lærarstilling og å presisere at kompetansekraava seinast må oppfyllast på tiltredingstidspunktet, sjå forslaget til § 17-3 første ledd
- å vidareføre høvet til mellombels tilsetjing og tilsetjing på vilkår, sjå forslaget til § 17-3 andre ledd
- å vidareføre krav om kompetanse i undervisningsfag, sjå forslaget til § 17-4
- å innføre eit unntak frå krava til kompetanse i undervisningsfag for lærarar som oppfylte eitt av krava for å bli tilsett i lærarstilling før 1. januar 2014, og for lærarar som har fullført tidlegare allmennlærarutdanning, sjå forslaget til § 17-4 andre ledd
- å vidareføre kravet om kontaktlærar, sjå forslaget til § 14-2 femte ledd
- å ikkje vidareføre kravet i lova om offentleg utlysing
- å vidareføre reglar om kvalifikasjonsprinsippet i lova, sjå forslaget til § 17-5
- å ikkje vidareføre reglar om tariffavtalar
- å vidareføre krav om kommunal tilsetjing av undervisningspersonale ved leirskolar med fast pedagogisk bemanning, sjå forslaget til § 17-10 første punktum
- å vidareføre heimelen til departementet til å gi forskrifter om kompetansekraav for personalet ved leirskolar, sjå forslaget til § 17-10 andre punktum
- å vidareføre at andre personale enn dei som er tilsette i lærarstilling, skal kunne hjelpe til i opplæringa, og å vidareføre krav om rettleiing av desse, sjå forslaget til § 17-6
- å innføre krav om at kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at skolane har tilgang på vikarar ved vanleg og forventa fråvær, sjå forslaget til § 17-7
- å ikkje vidareføre forskriftsheimelen om helsetilsyn og medisinsk hjelp for elevar som får spesialundervisning

## 51 Praksisplassar i skolen

### 51.1 Innleiing

Dette kapittelet handlar om korleis opplæringslova skal regulere ei plikt for kommunane og fylkeskommunane til å ta imot studentar for praksisopplæring og rettleiing i skolen.

### 51.2 Dagens reglar

Ifølgje opplæringslova § 10-7 kan departementet gi pålegg om at kommunane og fylkeskommunane skal gi studentar frå universitet og høgskolar praksisopplæring og rettleiing i skolen. Påleggget kan også gjelde val av den som skal stå for praksisopplæringa.

Praksisopplæring er ein obligatorisk del av lærarutdanningane. Det er derfor nødvendig med praksisplassar for studentar i grunnskolar og vidaregåande skolar. I forarbeida til opplæringslova har departementet lagt til grunn at praksisplassar i dei fleste tilfella blir oppretta ved avtale mellom skolen og høgskole eller universitet, og at det i samband med dette også blir avtalt kven av lærarane som skal ha ansvar for praksisopplæringa. I praksis er det ofte skoleleiinga som bestemmer kva lærarar som skal ha ansvaret for å rettleie praksisstudentane.

Praksisplassar var tidlegare regulerte i grunnskolelova og lov om vidaregående opplæring. Grunngivinga for at reglane vart vidareført i opplæringslova, var at praksistida er ein så sentral del av lærarutdanninga at gjennomføringa av ordninga bør få heimel i lova, jf. NOU 1995: 18, kapittel 28.5.7.

### 51.3 Høyningsforslaget

I høyringa foreslo departementet

- å vidareføre regelen om at departementet i det enkelte tilfellet eller i forskrift kan gi pålegg om at kommunane og fylkeskommunane skal gi studentar frå universitet og høgskolar praksisopplæring og rettleiing i skolen

- å ikkje vidareføre at departementet skal ha heimel til å fastsetje kven i skolen som skal stå for opplæringa og rettleiing av studentar i praksis

Med dette høyningsforslaget følgde departementet i hovudsak ikkje opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 43.9, om å ikkje vidareføre reglar i opplæringslova om praksisplassar.

### 51.4 Høyningsinstansanes syn

#### 51.4.1 Høvet til å gi pålegg om praksisplass

Det er 14 høyningsinstansar som har uttalt seg om høyningsforslaget om å vidareføre dagens regel om at departementet i det enkelte tilfellet eller i forskrift kan gi pålegg om at kommunane og fylkeskommunane skal gi studentar frå universitet og høgskolar praksisopplæring og rettleiing i skolen. Av desse er det tolv som støttar forslaget, mellom anna enkelte fylkeskommunar, enkelte kommunar, *NHO* og *Utdanningsforbundet*. Også *Norsk Lektorlag* støttar forslaget og meiner ei slik lovfesta plikt er med på å sikre studentar praksisplassar nær studiestaden sin.

*Utdanningsdirektoratet* støttar ikkje forslaget og grunngir innspelet sitt med at ein bør bruke andre verkemiddel enn regelverket for å synleggjere verdien av å få kommunane og fylkeskommunane til å prioritere praksisplassar for studentar i skolen. Subsidiært meiner direktoratet at ein regel om slike praksisplassar bør regulerast i universitets- og høgskolelova. *KS* støttar heller ikkje forslaget og skriv:

Det vises i den forbindelse til arbeidet i Nasjonalt forum for lærerutdanning og profesjonsutvikling (NFLP) om praksisopplæringen. Forumet har nedsatt en arbeidsgruppe som skal utarbeide forslag til rammer for ansvarsfordeling og samarbeid om praksisopplæring i lærerutdanningene mellom lærerutdanningsinstitusjonene og vanlige barnehage og skoleeier og praksisbarnehager og -skoler. Rammene skal bidra til et nært og gjensidig/forpliktende sam-

arbeid mellom aktørene, og til at alle lærerstuderter får praksisopplæring av god kvalitet og skal omfatte prinsipper for ansvar og samarbeid mellom utdanningsinstitusjonene, skole og barnehagemyndighet/eiere, studenter, lærerprofesjonen, barnehager og skoler.

#### **51.4.2 Høvet til å påleggje kven som skal stå for opplæringa**

I underkant av ti høyringsinstansar har uttalt seg om forslaget om å ikkje vidareføre at departementet skal ha heimel til å fastsetje kven i skolen som skal stå for opplæringa og rettleiing av studentar i praksis, mellom anna *Viken fylkeskommune*, enkelte kommunar, *NHO* og *Utdanningsforbundet*. Alle støtar forslaget.

### **51.5 Departementets vurdering**

#### **51.5.1 Høvet til å gi pålegg om praksisplass**

Opplæringslovutvalet foreslo at opplæringslova § 10-7 om praksisplassar ikkje blir vidareført i ny opplæringslov. Utvalet viste til at praksisopplæring er ein viktig del av lærarutdanninga, men meinte at det ikkje er nødvendig med ein heimel for å påleggje kommunane og fylkeskommunane å tilby praksisplassar til lærarstudentane. Utvalet viste vidare til at kommunar er folkevalde organ på lokalt og regionalt nivå som har eit stort samfunnsansvar. Etter vurderinga frå utvalet må det kunne forventast at kommunar bidreg til å utdanne lærarar utan at dette er ei oppgåve som blir pålagd dei. Kommunane og fylkeskommunane er dessutan dei framtidige arbeidsgivarane for dei fleste lærarstudentane, og dei har dermed ei eigeninteresse i at det blir utdanna fleire lærarar, og at lærarstudentane får ei god opplæring. Utvalet var heller ikkje kjent med at heimelen har vore brukt.

Departementet er samd med utvalet i at det kan setjast spørjeteikn ved om heimelen for å påleggje kommunane og fylkeskommunane å gi lærarstudentar praksisplass i skolen er nødvendig. Praksis i skole er ein obligatorisk del av lærarutdanningane og skal vere rettleidd og vurdert. Samarbeidet om praksisordning mellom partane, som er universiteta og høgskolane på den eine sida og kommunane og fylkeskommunane på den andre, fungerer i det store og heile godt.

Departementet foreslår likevel, slik som i høyringa, å vidareføre reglane om at departementet i det enkelte tilfellet eller i forskrifter kan gi pålegg om at kommunar eller fylkeskommunar skal gi

studentar praksisopplæring. Forslaget er i tråd med dei fleste høyringsinnspela.

Departementet er for det første kjent med at enkelte utdanningsinstitusjonar har hatt utfordringar med å skaffe tilstrekkeleg mange praksisplassar for lærarstudentane sine.

Departementet meiner vidare at det kan vere behov for regelen om praksisplassar i spesielle tilfelle, der kommunar eller fylkeskommunar ikkje prioriterer praksis og rettleiing, eller der samarbeidet mellom ein utdanningsinstitusjon og ein kommune eller fylkeskommune av ein eller annan grunn ikkje fungerer. Heimelen kan då sikre at studentane får den praksisen som er nødvendig for studieprogresjon og å fullføre studiet, ved at departementet grip inn. Heimelen kan også bidra til å styrke det regionale utdanningstilbodet, ved å sikre at det blir lagt til rette for praksis i heile landet. At heimelen ikkje har vore nytta, betyr ikkje at det ikkje vil vere behov for han framover. Regelen om praksisplass i skolen har også ein verdi i seg sjølv, ved at han legg press på kommunane og fylkeskommunane om å leggje til rette for praksisplassar til dømes der ressursomsyn eller økonomiske omsyn kan tenkja å føre til at dette arbeidet blir nedprioritert. Slik sett kan det få uheldige og utilsikta konsekvensar å fjerne regelen.

Departementet viser til at praksis er regulert i ei rekke lover innanfor helse- og sosialfaglege utdanningar. Dette gjeld til dømes i lov 2. juli 1999 nr. 61 om spesialisthelsetenesta m.m. § 3-8, lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. § 8-1 og lov 2. juni 2000 nr. 39 om apotek § 4-6. I ny barnevernslov, lov 18. juni 2021 nr. 97 om barnevern, er det lovfesta at Barne-, ungdoms- og familieetaten skal tilby rettleidd praksis i institusjon og samarbeide med utdanningsinstitusjonen om gjennomføringa av praksisen. Den same plikta er lagd på kommunane når det gjeld praksis i barnevernstenesta. Formålet med lovreglane er nettopp å sikre at det blir lagt til rette for praksisplassar på aktuelle arbeidsplassar i dei utdanningane der dette er aktuelt.

Som vist til i vurderinga over har departementet lagt vekt på behovet for å ha ein regel som synleggjer verdien av at kommunane og fylkeskommunane legg til rette for praksis for studentar i skolen, og samanhengen med andre regelverk. Regelen kan bidra til at kommunane og fylkeskommunane over heile landet prioritær arbeidet med å skaffe til vegar nødvendige praksisplassar og samarbeide med universitet og høgskolar om rettleidd praksis i skolen.

Som KS peikar på i høyringssvaret sitt, er det nedsett ei arbeidsgruppe som skal utarbeide forslag til rammar for ansvarsfordeling og samarbeid om mellom anna praksisopplæring i skolane. Dersom arbeidsgruppa endar opp med å tilrå tiltak som har noko å seie for om, og eventuelt i kva lov, det skal vere reglar om praksisplassar i skolen, vil departementet eventuelt seinare vurdere korleis dette skal følgjast opp.

#### **51.5.2 Høvet til å påleggje kven som skal stå for opplæringa**

Opplæringslovutvalet meinte at vidareføring av regelen om at departementet skal ha heimel til å fastsetje kven i skolen som skal stå for opplæringa, vil vere eit uforholdsmessig inngrep i styriksretten kommunane og fylkeskommunane har overfor dei tilsette.

Departementet er samd i dette og foreslår å ikkje vidareføre at departementet skal ha heimel til å fastsetja kven i skolen som skal stå for opplæringa og rettleiing av studentar i praksis.

#### **51.6 Departementets forslag**

---

Departementet foreslår

- å vidareføre regelen om at departementet i det enkelte tilfellet eller i forskrift kan gi pålegg om at kommunane og fylkeskommunane skal gi studentar frå universitet og høgskolar praksisopplæring og rettleiing i skolen, sjå forslaget til § 17-9
- å ikkje vidareføre at departementet skal ha heimel til å fastsetje kven i skolen som skal stå for opplæringa og rettleiing av studentar i praksis

## 52 Politiattest og vandelskontroll

### 52.1 Innleiing

Dette punktet handlar om reglar om politiattest og forbod mot tilsetjing på grunn av merknader på politiattesten. Reglane om politiattest handlar både om krav om å leggje fram politiattest ved tilsetjing og krav om at skoleeigar skal kontrollere vandelen til den som søker på ei stilling. Å kontrollere vandelen til ein person betyr å vurdere om personen er eigna eller ueigna til stillinga, basert på opplysningsar på politiattesten.

I dette punktet blir oppfølging av vedtak nr. 79, 12. november 2020 omtalt.

Stortinget ber regjeringen om å fremme forslag om nødvendige regelendringer slik at politiattesten gir et fullstendig bilde av søkeren og viser alle relevante lovbrudd i de tilfeller som gjelder ansettelsesforhold i skole, barnehage eller andre steder der kontakt med barn utgjør en viktig del av stillingen.

### 52.2 Dagens reglar

#### 52.2.1 Opplæringslova

Det følgjer av opplæringslova § 10-9 at den som skal tilsetjast fast eller mellombels i grunnskolen eller den vidaregåande skolen, må leggje fram ein politiattest med innhald som nemnt i politiregisterlova § 39 (barneomsorgsattest). Dette omfattar mellom anna undervisningspersonale, assistenter, leiinga i skolen og andre yrkesgrupper som arbeider ved skolen. Det same gjeld for dei som skal tilsetjast fast eller mellombels i musikk- og kulturskolen, i skolefritidsordninga eller for å leksehjelp. Dei som skal tilsetjast fast eller mellombels i skoleliknande aktivitetstilbod i regi av skoleeigar, er også omfatta av kravet når tilboden har karakter av opplæring. Eit døme på eit slikt skoleliknande aktivitetstilbod er sommarskole. Det er berre den som skal tilsetjast, som skal leggje fram ein politiattest, og til dømes ikkje ein som er i praksis.

Personar som er dømde for seksuelle overgrep mot mindreårige, kan ikkje tilsetjast fast eller mellombels i dei stillingane som er nemnde over,

jf. § 10-9 tredje ledd. Opplæringslova seier ikkje kva lovbroter som skal kategoriserast som «seksuelle overgrep mot mindreårige». I andre tilfelle enn seksuelle overgrep mot mindreårige må konsekvensane av merknader på politiattesten vurderast konkret.

I tillegg til dei situasjonane skoleeigar må krevje politiattest, kan skoleeigar krevje ein politiattest av andre personar som regelmessig oppheld seg på skolen, eller i tilbod som nemnde over, jf. opplæringslova § 10-9 andre ledd. Dette kan typisk vere studentar i praksis eller frivillige, men det kan også vere handverkarar som over tid arbeider på skoleområdet.

I dag er det ikkje krav om at alle som skal tilsetjast ved leirskolar, må leggje fram politiattest. Dei fleste leirskolane i landet er private. Undervisningspersonalet er likevel i stor grad kommunalt tilsett, og kommunane sørger for at desse leverer politiattest. Andre tilsette som jobbar på leirskolane, til dømes vaktmeistrar, nattevakter, kjøkkenpersonale, gardsarbeidarar, er tilsette av den private aktøren og er ikkje omfatta av reglane om politiattest.

#### 52.2.2 Politiregisterlova

Opplæringslova viser til reglane om barneomsorgsattest i politiregisterlova § 39. Det er dei generelle reglane om barneomsorgsattest i politiregisterlova som regulerer kva for nokre straffbare forhold som skal synast på politiattesten. Formålet med reglane om barneomsorgsattest i opplæringslova er å skape ein einsarta praksis på områda med krav til politiattest for personar som har omsorg for eller oppgåver knytte til mindreårige, jf. Ot.prp. nr. 108 (2008–2009) *Om lov om behandling av opplysninger i politiet og påtalemynigheten (politiregisterloven)*.

På politiattesten skal det stå om personen er sikta, har vedteke førelegg eller er dømt for brot på ulike reglar i straffelova. Dei aktuelle reglane i straffelova er lista opp i politiregisterlova § 39.

Politiattesten skal omfatte seksuallovbrot, grove valdslovbrot, drap, ran, mishandling i nære

relasjonar, menneskehandel og grove narkotika-lovbrot.

Etter politiregisterlova § 39 skal dei fleste sek-  
suallovbrota, i tillegg til drap, blir noterte utan  
tidsavgrensing. Merknader om andre lovbroten fell  
bort etter ei tid, avhengig av om lovbyrta var  
under 18 år på handlingstidspunktet, og kor  
streng straffereaksjonen var.

## 52.3 Høyningsforslaget

I høyninga foreslo departementet

- å vidareføre dagens reglar om politiattest og tilsetjingsforbod
- å utvide personkrinsen slik at personar som skal ha praksis i skolen, skolefritidsordninga, leksehjelpa, leirskolar, kulturskolen og skoleliknande aktivitetstilbod, blir inkluderte i kravet om å leggje fram politiattest
- å utvide personkrinsen slik at alle tilsette ved leirskolar blir inkluderte i kravet om å leggje fram politiattest
- å utvide området for kva straffebod som skal noterast på ein politiattest
- å klargjere området for tilsetjingsforbodet
- å innføre ein heimel for å fastsetje kva straffebod som skal medføre forbod mot tilsetjing og om innhenting og behandling av politiattest

Med dette høyningsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 41.

## 52.4 Høyningsinstansane syn

Det er 19 høyningsinstansar som har uttalt seg om dette temaet, og alle støttar i hovudsak forslaga til vidareføring og justeringar i reglane. Åtte høyningsinstansar støttar forslaga utan merknader, medan elleve høyningsinstansar har ulike innspel.

Det har komme nokre høyningsinnspel til forslaga om å utvide personkrinsen for krav om politiattest for personar som skal vere i praksis, og for personar som er tilsette i leirskolar.

*Norsk Leirskoleforening* støttar forslaget om at kravet til politiattest skal gjelde for alle som jobbar på leirskole.

*Politidirektoratet* sluttar seg til høyningsfråsegna frå *Finnmark politidistrikt*. Politidistriktet foreslår at kommunen og fylkeskommunen skal krevje politiattest for personar som utfører opplæring i regi av kommunen eller fylkeskommunen på ein annan opplæringsarena enn skolen, til

dømes symjeopplæring hos ein privat aktør, og for elevar som har rett til spesialundervisning på ein annan opplæringsarena enn skolen. Vidare blir det foreslått at kommunen og fylkeskommunen skal innhente politiattest for dei som skal leigast inn mellombels, til dømes frå vikarbyrå.

*Finnmark politidistrikt* meiner vidare at det ikkje skal vere obligatorisk politiattest for alle som skal ha praksis i grunnskolen, osv. Det blir grunn-  
gitt i at dei i mange tilfelle allereie er underlagde vandelskontroll i andre regelverk, til dømes universitets- og høgskolelova. Dei foreslår at det heller blir lagt opp til ei konkret vurdering av om det skal innhentast politiattest av praksiselevane i dei ulike situasjonane. Dette bør også gjelde for personar som skal ha arbeidstrening gjennom Nav, og utanlandske borgarar som har praksisplass gjennom introduksjonsprogrammet. Det blir også vist til at ei plikt til å innhente politiattest for personar som skal ha praksis i grunnskolen mv., kan medføre ein stor auke i talet på søknader om politiattestar til Eininga til politiet for vandelskontroll og politiattestar.

*Fagforbundet Vestfold og Telemark* meiner at alle som har med elevar å gjere, skal ha politiattest, også dei som skyssar elevane til og frå skolen. At dei som skyssar elvane til og frå skolen, bør ha attest, er det også fleire andre høyningsinstansar som meiner.

*Foreldreutvalet for grunnopplæringa* foreslår at kan-regelen i det første ledet til forslaget andre punktum blir bytt ut med «skal», slik at det også blir eit krav om at andre som oppheld seg på skolen m.m., skal levere politiattest.

Det er også fleire høyningsinstansar som har innspel til politiattesten og tilsetjingsforbodet.

*Barneombodet* meiner at det bør vurderast om fleire lovbroten enn i dag skal gi tilsetjingsforbod, slik som grove valdsbrot og drapsforsøk. *Elevorganisasjonen* meiner at generell vald bør vere med som straffebod, og at personar som er dømde for generell vald, ikkje bør tilsetjast. *Barneombodet* foreslår også at politiattesten bør fornyast med jamne mellomrom. *Fagforbundet Vestfold og Telemark* meiner han bør fornyast annakvart år.

*Stine Sofies Stiftelse* foreslår at det må givast tydelege føringar i forarbeida for kva som skal inngå i vurderinga av om ein person med merknader på politiattesten kan tilsetjast. Utgangspunktet må vere at personar som har merknader (t.d. er sikta) på politiattesten, ikkje skal tilsetjast på skolen, og at det må grunngivast særskilt dersom personen likevel skal tilsetjast.

Høyningsforslaget inkluderte også ein forskriftsheimel for å fastsetje kva straffebod som

skulle gi forbod mot tilsetjing, dei av høyringsinstitusjonsane som har uttalt seg om forslaget, støttar det.

## 52.5 Departementets vurdering

### 52.5.1 Personkrinsen for krav om politiattest

#### Plikt til å leggje fram politiattest

Departementet har i vurderinga av om og i kva tilfelle det skal vere ei plikt til å leggje fram ein politiattest, særleg vurdert dette opp mot EMK artikkel 8, som handlar om retten til respekt for privatliv og familieliv og proporsjonaliteten av det å krevje av den enkelte at det blir lagt fram ein politiattest. Vidare er det lagt vekt på det grunnleggjande omsynet til tryggleiken til elevane på skolen og tilliten til dei tilsette.

Krav om å leggje fram ein politiattest er ikkje ein garanti mot at elevar blir utsette for overgrep i skolen. Formelle reglar om vandelskontroll kan ikkje erstatte god oppfølging av dei tilsette i den daglege verksemda. Rutinar på arbeidsplassen, opplæring og oppfølging av dei tilsette kan også vere gode tiltak for å verne elevane.

Departementet meiner likevel at det må vere krav til politiattest. Av personvernheimsyn er kravet avgrensa til den som skal tilsetjast. Kravet gjeld altså ikkje søkjrarar.

#### Politiattest for dei som skal tilsetjast fast eller mellombels

Departementet foreslår å vidareføre dagens krav om at den som skal tilsetjast fast eller mellombels i grunnskolen, den vidaregåande skolen, skolefritidsordninga, leksehjelpa, kulturskolen eller skoleliknande aktivitetstilbod, må leggje fram ein politiattest.

#### Politiattest for personar som skal tilsetjast i leirskolar

Departementet foreslår å utvide personkrinsen til å gjelde alle som skal tilsetjast fast eller mellombels for å jobbe på leirskolen, anten dei er tilsette av kommunen eller privat. Dei fleste leirskolane er private, men undervisningspersonalet er i stor grad kommunalt tilsett. Departementet meiner at kravet også bør gjelde alle som jobbar og oppheld seg fast ved leirskolen, uavhengig av om dei er tilsette av kommunen. Departementet meiner at alle som arbeider og oppheld seg på leirskolen, og som dermed kan ha kontakt med elevar, skal leve politiattest.

#### Politiattest for andre som jamleg skal utføre oppgåver på skolen

Departementet foreslår å vidareføre regelen om at kommunen og fylkeskommunen *kan* krevje politiattest av andre som jamleg skal utføre oppgåver på skolen, i skolefritidsordninga, i leksehjelpa, kulturskolen eller i skoleliknande aktivitetstilbod, samt å utvide regelen til leirskolar.

Departementet meiner at det grunnleggjande omsynet til tryggleiken til elevane på skolen og tillit til dei tilsette er varetekne gjennom eit krav om politiattest ved alle tilsetjingar. Dagens reglar gir ei viss grad av fleksibilitet ved at det i tillegg er *tilgang* til å krevje attest frå andre som kan komme i posisjon til å gjere seg skuldig i overgrep eller ha skadeleg innverknad på elevane. Vurderinga av om det skal krevjast politiattest av desse, er lagd til kommunen og fylkeskommunen, som er nærmast til å vurdere behovet. I vurderinga skal kommunen og fylkeskommunen leggje vekt på om opphaldet eller innverknaden gir personen eit høve til å vere i direkte kontakt med elevane. Etter vurderinga til departementet vil det vere for strengt å krevje at alle som jamleg utførar oppgåver på skolen, må leve politiattest, slik *Foreldreutvalet for grunnopplæringa* foreslår. Personar som regelmessig oppheld seg i skolen, men ikkje er tilsette hos kommunen eller fylkeskommunen, er ei samansett gruppe der fleire vanlegvis ikkje har kontakt med elevar utan at tilsette er til stades. Det er dermed i utgangspunktet låg risiko for overgrep eller andre straffbare forhold mot mindreårige. Etter vurderinga til departementet vil eit krav om politiattest for denne gruppa ikkje vere eit forholdsmessig tiltak. Etter vurderinga til departementet ligg det føre særlege omsyn for å behalde kan-regelen om politiattest for denne gruppa.

#### Politiattest for innleigde vikarar frå bemanningsbyrå

Departementet foreslår ikkje eit eksplisitt krav for innleigde vikarar i bemanningsbyrå. *Finnmark politidistrikt* foreslo eit slikt krav i sitt høyringsinnspel, men departementet understrekar at kravet om politiattest gjeld for dei som skal tilsetjast mellombels for å arbeide i skolen, og at det også vil gjelde for eventuelt mellombels innleigde frå til dømes bemanningsbyrå, sjølv om dette ikkje kjem fram eksplisitt av regelen. Det er kommunen eller fylkeskommunen som skal krevje politiattest, og det er vikaren sjølv som skal innhente attest. Dette følgjer av politiregisterlova § 44. Eventuelle

bemanningsbyrå skal ikkje ha politiattesten og vil ikkje få vite innhaldet i han.

#### *Politiattest for personar som skal vere i praksis*

Departementet følgjer ikkje opp høyningsforslaget om å utvide personkrinsen slik at personar som skal ha praksis i skolen, skolefritidsordninga, leksehjelpa, leirskolar, kulturskolen og skoleliknande aktivitetstilbod, blir inkluderte i kravet om å leggje fram politiattest. Departementet foreslår at det, som i dag, skal vere opp til kommunen og fylkeskommunen å avgjere om det skal innhentast politiattest for dei som skal ha praksis. Dette er tilsvارande regel som gjeld for personar som er i praksis i barnehagar, jf. barnehagelova § 30 andre ledd.

Departementet er samd i innspelet frå *Finnmark politidistrikt* om at det er gode argument for ikkje å krevje politiattest for dei som skal vere i praksis, og som allereie har levert ein politiattest i samband med opptak til studium. Dette gjeld sjølv om kravet til politiattest i universitets- og høgskolelova og fagskolelova berre viser til barneomsorgsattest i politiregisterlova § 39 første ledd og derfor ikkje vil innehalde alle straffereglane som er foreslått i opplæringslova. Departementet viser til innspelet til politidistriket om at ei plikt for studentar som skal ha praksis i grunnskolen osv., kan medføre ei stor auke i talet på søknader om politiattestar. For elevar i vidaregåande skolar er det ikkje eit tilsvarande krav om politiattest som det er for studentar ved høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning. Departementet legg til grunn at elevar ved vidaregåande skolar vil ha kortare praksis, og at karakteren til praksisoppfaldet ikkje tilseier at det skal innhentast politiattest. Kommunen og fylkeskommunen kan likevel vurdere å innhente politiattest. Det same bør gjelde for personar som skal ha arbeidstrening gjennom Nav, og utanlandske borgarar som har praksisplass gjennom introduksjonsprogrammet. Det gjeld også for personar som skal ha ein prøveperiode på ein skole som del av godkjenninng som lærar med yrkeskvalifikasjonar frå utlandet.

Departementet foreslår at det skal komme fram av lova at det må gjerast ei konkret vurdering om det skal innhentast ein politiattest for personar som skal ha praksis, og at det skal komme klart fram i lova kva som skal leggjast til grunn i vurderinga. Kommunen og fylkeskommunen skal leggje vekt på om personen som skal ha praksis, allereie er underlagd vandelskontroll i anna lovgiving, varigheita av praksisoppfaldet og kva kontakt personen har med elevane.

#### *Politiattest for personar som jamleg utfører opplæring i regi av kommunen og fylkeskommunen på annan opplæringsarena enn skolen*

Departementet foreslår ikkje å innføre krav til politiattest for dei som skal hjelpe til i opplæringa. *Finnmark politidistrikt* foreslo eit slikt krav i sitt høyningsinnspele, men departementet meiner at dette ikkje er nødvending, då det alltid vil vere ein lærar som er ansvarleg. Ved til dømes symjeopplæring der andre hjelper, skal læraren vere til stades og ha ansvaret. Vidare meiner departementet at dersom ein innfører ein slik regel, vil ein få utfordringar med kven kommunen eller fylkeskommunen skal krevje politiattest frå, til dømes ved tilrettelagd opplæring på bondegard, der det ikkje vil vere tenleg å krevje politiattest av alle som er tilsette på garden. Vidare meiner departementet at det ikkje kan krevjast politiattest for alle tilsette i ei lærlingbedrift.

#### *Politiattest for dei som skyssar elevar*

Enkelte høyningsinstansar har foreslått at kravet til politiattest også skal gjelde for dei som skyssar elevar. Dette er ikkje spesifikt foreslått i høyringa og vil vere ei utviding av personkrinsen samanlikna med forslaget som var sendt på høyring. Departementet viser til at det allereie er krav til politiattest for dei som kjem inn under regelverket for yrkestransportlova og yrkestransportforskrifta (t.d. drosjesjåførar og annan persontransport), og kan ikkje sjå at det er behov for å regulere dette ytterlegare i opplæringslova.

#### **52.5.2 Straffebod og tilsetjingsforbod**

##### *Kva straffebod som skal takast med på ein politiattest*

Departementet foreslår å utvide området for kva straffebod som skal noterast på ein politiattest. Departementet foreslår at straffbare forhold som skal noterast på ein politiattest etter helse- og omsorgstenestelova, også bør noterast på ein politiattest til bruk i skolen så langt straffeboden vernar den personlege fridommen eller gjeld valdslovbrot. Departementet foreslår likevel at forbodet mot kroppskrenkelser, ikkje tas med i opprekninga no, sjå under om vidare prosess.

Departementet viser til at regelen i helse- og omsorgstenestelova § 5-4 om politiattest vart utvida i 2016. Då vart reglar som rettar seg dels mot den personlege fridommen og fred, dels mot valdslovbrot og enkelte vinningslovbrot, omfatta, og regelen rekk no lenger enn politiregisterlova § 39.

I tillegg foreslår departementet at det er rett å ta med forbodet mot kjønnsleesting (straffelova §§ 284 og 285) i opprekninga. Tilsette i skolen har ei plikt til å søkje å hindre kjønnsleesting, og det er uheldig at ein kan vere dømt for kjønnsleesting og likevel kunne levere ein politiattest utan merknader til bruk i skolen. Departementet foreslår vidare at forbodet mot tvangsekteskap (straffelova § 253) også tas med i opprekninga.

Enkelte høyningsinstansar meiner at politiattesten må vise fleire straffebod enn det som er foreslått. Departementet har vurdert dette og Stortingets vedtak nr. 79 (2020–2021), 12. november 2020:

Stortinget ber regjeringen om å fremme forslag om nødvendige regelendringer slik at politiattesten gir et fullstendig bilde av søkeren og viser alle relevante lovbrudd i de tilfeller som gjelder ansettelsesforhold i skole, barnehage eller andre steder der kontakt med barn utgjør en viktig del av stillingen.

Ei utviding av straffeboda samanlikna med innhalten i ein barneomsorgsattest må vere i tråd med eit formål som går fram av politiregisterlova § 37. I vurderinga må omsyn til vern av barn og tillitsomsonnet bli tillagt mykje vekt. Det må vegast mot mellom anna omsynet til personvern, resosialisering og ressursbruk. Departementet meiner at dei straffeboda som er foreslått, vil gi eit godt bilete av den som skal tilsetjast, og vise relevante lovbro.

Når barneomsorgsattestane etter opplæringslova utvidast til å omfatte fleire straffebod som ikkje er omfatta av politiregisterlova § 39 første ledd, inneber det eit avvik får den elles einsarta reguleringa av barneomsorgsattestar i politiregisterlova § 39. Det går føre seg eit interdepartementalt samarbeid for gjennomgang og revisjon av barneomsorgsattestar etter politiregisterlova § 39, som vil følgje opp Stortingets vedtak nr. 79 (2020–2021). Det blir arbeida for å sende eit forslag til endring av politiregisterlova § 39 på høyring. Gjennom revisjon av politiregisterlova tar ein sikte på å etablere ein einsarta praksis for innhaldet av barneomsorgsattestar i samarbeid mellom dei departementa det gjeld. Departementet foreslår derfor at reglane om plikt til å avverje (strl. 2005 § 196), teieplikt (strl. 2005 §§ 209, 210 og 211) og kroppskrenking (strl. 2005 § 271), som var foreslått omfatta i høyringa, ikkje blir tatt med i opplæringslova no.

#### *Ikkje krav om fornying av politiattest*

Til forslaget frå to høyningsinstansar om at politiattesten bør fornyast, vil departementet vise til at det etter politiregisterlova § 43 er høve til å be om fornya vandelvurdering så lenge personen det gjeld, framleis er tilsett i ei stilling som det kan kreva politiattest for. Ei ordning med jamleg fornying vil vere svært ressurskrevjande om ein ikkje er viss på at dei situasjonane som ordninga tek sikte på, blir fanga opp, jf. Ot.prp. nr. 108 (2008–2009) om politiregisterlova, kapittel 12.10. Departementet meiner derfor at det ikkje er tenleg å innføre eit krav om jamleg fornying av politiattesten for alle som blir omfatta av kravet.

#### *Forbod mot tilsetjing ved merknader om seksuelle overgrep mot mindreårige*

Departementet foreslår å vidareføre eit forbod mot tilsetjing for den som er straffa for seksuelle overgrep mot mindreårige. Departementet foreslår at dette også skal gjelde for dei som skal ha praksis i grunnskolen, den vidaregåande skolen, skolefritidsordninga, leksehjelpa, kulturskolen eller skoleliknande aktivitetstilbod. I vurderinga har departementet lagt vekt på at det skal sterke grunnar til for å nekte nokon å utføre eit yrke, og vurdert dette opp mot det grunnleggjande omsynet til tryggleiken og tilliten eleven har til dei tilsette på skolen.

Til forslaga frå fleire høyningsinstansar om det bør vurderast om fleire lovbro enn i dag skal gi tilsetjingsforbod, vil departementet understreke at det skal sterke grunnar til for å nekte nokon å utføre eit yrke. Vurdert opp mot det grunnleggjande omsynet til tryggleiken og tilliten eleven har til dei tilsette på skolen, har departementet komme til at det ikkje bør vere fleire lovbro. Av rettstryggingsomsyn vil det forskriftsfestast kva straffebod som skal medføre forbod mot tilsetjing.

#### *Konsekvensane av andre merknader på politiattesten*

Departementet foreslår å vidareføre at kommunen og fylkeskommunen konkret må vurdere om andre merknader enn dei som inneber tilsetjingsforbod, gjer at personen er ueigna til å tilsetjast.

Departementet foreslår at kommunen og fylkeskommunen også skal gjere ei konkret vurdering av personar som legg fram politiattest med merknader om verserande saker. Dette gjeld både personar som skal tilsetjast, og for personar som jamleg oppheld seg på skolen, i skolefritidsord-

ninga, i leksehjelpa, i leirskolar, kulturskolen eller i skoleliknande aktivitetstilbod.

Lovforslaget hindrar kommunen i å etablere absolutte reglar om utestenging. I vurderinga av om ein person skal tilsetjast, vil det vere naturleg å grunngi kvifor ein eventuelt ser bort frå ein merknad om andre straffebrot enn seksuelle overgrep mot mindreårige. Det kan vere at lovbroten er i nedre sjiktet for kva den aktuelle strafferegelen rammar, eller at det har gått svært lang tid sidan lovbroten, eller at lovbroten ikkje kan reknast for å ha særleg relevans for tilsetjingsforholdet og tryggleiken til elevane. Departementet meiner det ikkje er nødvendig med ytterlegare føringar i lova for kva som skal inngå i vurderinga av om ein person med merknader kan tilsetjast.

## **52.6 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å vidareføre eit krav til politiattest for dei som skal tilsetjast fast eller mellombels i grunnskolen, den vidaregåande skolen, skolefritidsordninga, leksehjelpa, kulturskolen eller skoleliknande aktivitetstilbod, sjå forslaget til § 17-11 første ledd
- å utvide personkrinsen slik at alle tilsette ved leirskolar blir inkluderte i kravet om å leggje fram politiattest, sjå forslaget til § 17-11 første ledd

- at kommunen og fylkeskommunen ut frå gitte kriterium kan krevje politiattest frå dei som skal ha praksis i skolen, skolefritidsordninga, leksehjelpa, leirskolar, kulturskolen og skoleliknande aktivitetstilbod, sjå forslaget til § 17-11 andre ledd
- å vidareføre at kommunen og fylkeskommunen kan krevje politiattest frå personar som skal utføre oppgåver i grunnskolen, den vidaregåande skolen, skolefritidsordninga, leksehjelpa, kulturskolen eller skoleliknande aktivitetstilbod, sjå forslaget til § 17-11 tredje ledd
- å utvide området for kva straffebod som skal noterast på ein politiattest, sjå forslaget til § 17-11 fjerde ledd
- å presisere at det er eit tilsetjingsforbod ved merknader om seksuelle overgrep mot mindreårige, sjå forslaget til § 17-11 femte ledd
- å vidareføre kravet om at kommunen og fylkeskommunen skal vurdere konkret om ein person bør tilsetjast, ha praksis eller utføre oppgåver i grunnskolen, den vidaregåande skolen, skolefritidsordninga, leksehjelpa, kulturskolen eller skoleliknande aktivitetstilbod, dersom politiattesten inneheld merknader om andre straffebot enn dei som gir tilsetjingsforbod og merknader om verserande saker, sjå forslaget § 17-11 sjette ledd
- å innføre ein heimel for å fastsetje kva straffebod som skal medføre forbod mot tilsetjing og om innhenting og behandling av politiattest, sjå forslaget til § 17-11 sjuande ledd

## 53 Ansvaret til kommunen, fylkeskommunen og staten

### 53.1 Innleiing

Dette punktet handlar om kven som har det overordna ansvaret for grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa. Ansvaret staten har for klage og tilsyn er omtalt i punkt 59 og 60.

### 53.2 Dagens reglar

#### 53.2.1 Opplæringslova

Kapittel 13 i opplæringslova regulerer i hovudsak ansvaret kommunen og fylkeskommunen har for opplæringa. Ansvaret er regulert som plikter for kommunen og fylkeskommunen.

Utgangspunktet er at kommunane har ansvaret for grunnskoleopplæringa, medan ansvaret for den vidaregående opplæringa er lagt til fylkeskommunane. Det er nokre avvik frå denne hovuddelinga. Mellom anna har fylkeskommunen ansvaret for grunnskoleopplæring for innsette i fengsel, bebuarar i barnevernsinstitusjonar og innlagde i helseinstitusjonar. Plikta fylkeskommunen har til å oppfylle retten til opplæring for dei som er innlagde i helseinstitusjonar, omfattar ikkje elevar som er barn eller søsken til pasientar ved ein helseinstitusjon.

Etter dagens reglar har kommunane ansvar for

- å gi grunnskoleopplæring til innbyggjarar som har rett til slik opplæring, jf. § 13-1
- å gi grunnskoleopplæring særleg organisert for vaksne deltagarar, jf. § 4A-1
- å forsikre elevane, jf. § 13-3 b
- å samarbeide med foreldre til elevar i skolen, jf. § 13-3 d
- å gi skoleskyss til grunnskoleelevar og vaksne deltagarar som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg, inkludert retten til reisefølgje og tilsyn, jf. § 13-4 første ledd første punktum
- å samarbeide om overgang mellom barnehage og skole, jf. § 13-5 andre ledd
- å ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknyting til skoleverket og kulturlivet elles, jf. § 13-6

- å sørge for eit tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid, jf. § 13-7
- å ha eit tilbod om leksehjelp i grunnskolen, jf. § 13-7 a
- å tilby elevane i grunnskolen leirskoleoppdrag eller annan skoletur med minst tre overnattningar i samanheng, jf. § 13-7 b
- å oppfylle retten til rådgiving etter forskrift til opplæringslova kapittel 22

Etter dagens reglar har fylkeskommunen ansvar for

- å oppfylle retten til vidaregåande opplæring, jf. § 13-3
- å oppfylle retten til vidaregåande opplæring særleg organisert for vaksne deltagarar, jf. § 4A-3
- å oppfylle retten til grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring i barnevernsinstitusjonar jf. § 13-2, fengslar jf. § 13-2 a, og i helseinstitusjonar jf. 13-3 a
- å gi tilbod til søkjrarar utan rett etter §§ 3-1 og 4A-3, jf. § 13-3 tredje ledd
- å forsikra elevane, jf. § 13-3 b
- å samarbeide med foreldre til elevar i skolen, jf. § 13-3 d
- å gi skoleskyss i alle tilfelle der kommunen ikkje eksplisitt har ansvaret, jf. § 13-4
- å oppfylle retten til rådgiving etter forskrift til opplæringslova kapittel 22
- å oppfylle retten til påbygg, jf. § 3-1 ellevte ledd

Lova fastsett unntak frå ansvarsdelinga i §§ 13-1 og 13-3. Ifølgje § 13-1 tredje ledd kan staten eller fylkeskommunen i særlege tilfelle drive grunnskolar. Ifølgje § 13-3 sjette ledd kan staten eller ein kommune i særlege tilfelle drive vidaregåande skolar. Kommunen må ha godkjenning frå departementet. Det kjem vidare fram av § 1-2 fjerde ledd at departementet etter søknad kan godkjenne at fylkeskommunen kan stå ansvarleg for vidaregåande opplæring i utlandet. I slike tilfelle gjeld opplæringslova for opplæringa, men departementet kan gjere unntak frå reglar i lova og forskrifter til lova så langt det er forsvarleg og nød-

vendig. Departementet kan endre vilkåra og om nødvendig trekke godkjenninga.

I § 13-10 er det presistert at kommunen og fylkeskommunen har ansvar for å oppfylle krava som følgjer av lova og forskrifter til lova, og at dette ansvaret også inneber å stille nødvendige ressursar til disposisjon.

Det følger av § 13-8 at Oslo kommune også har dei rettane og pliktene som i opplæringslova ligg på fylkeskommunen.

Fylkeskommunen har etter § 13-3 f plikt til å ha eit tilbod om karriererettleiing for innbyggjane i fylket.

Kapittel 13 i dagens lov inneholder enkelte reglar som ikkje gjeld ansvaret for grunnopplæringa, mellom anna plikt om å ha eit musikk- og kulturskoletilbod og skolefritidsordning. Sjå nærmere omtale av desse reglane under dei ulike punkta i proposisjonen.

### **53.2.2 Helsepersonellova og spesialisthelsetenestelova**

Helsepersonell har eit særleg ansvar for å vareta behovet for informasjon og nødvendig oppfølging av personar i alderen 0 til 18 år som er barn av pasientar eller søsken til pasientar med psykisk sjukdom, rusmiddelavhengnad eller alvorleg somatisk sjukdom eller skade, jf. lov 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell mv (helsepersonelloven) § 10 a. Barneansvarleg personell i helseinstitusjonar i spesialisthelsetenesta har ansvar for å fremje og koordinere oppfølginga helsepersonell gjer av barn av pasientar eller mindreårige søsken til pasientar med psykisk sjukdom, rusmiddelavhengnad eller alvorleg somatisk sjukdom eller skade, jf. lov 2. juli 1999 nr. 61 om spesialisthelsetjenesten m.m. (spesialisthelsetjenesteloven) § 3-7 a.

## **53.3 Høyningsforslaget**

I høyringa foreslo departementet

- å vidareføre dagens ansvarsdeling mellom kommunen og fylkeskommunen
- å innføre ein regel i det første kapittelet i lova som skisserer hovudregelen om kven som har ansvar for kva opplæring
- å vidareføre ansvaret til fylkeskommunen for opplæring til dei som bur i barnevernsinstitusjon, dei som er innlagde i helseinstitusjon, og innsette i fengsel
- å innføre ein regel om at fylkeskommunen skal ha ansvar for opplæring til barn og søsken til innlagde i helseinstitusjon, når institusjonsopp-

haldet truleg vil føre til meir enn 14 dagar fråvær per skoleår for barnet eller søskenet

- å vidareføre at departementet i særlege tilfelle kan godkjenne unntak frå ansvarsdelinga
- å ikkje vidareføre reglane om at kommunane og fylkeskommunane skal stille til rådvelde dei ressursane som er nødvendige for å etterleve lova

Med dette høyningsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 48. Spørsmålet om å utvide ansvaret fylkeskommunen har for barn og søsken til innlagde i helseinstitusjon, var nytt samanlikna med forslaget frå opplæringslovutvalet.

## **53.4 Høyningsinstansanes syn**

### **53.4.1 Ein hovudregel om ansvar**

Totalt har om lag 30 høyningsinstansar uttalte seg om forslaga om ansvaret til kommunen, fylkeskommunen og staten. Nokre høyningsinstansar kommenterer konkrete forslag, medan andre uttrykkjer generell støtte til forslaga. Det er få høyningsinstansar som har uttalt seg konkret om forslaget om å vidareføre dagens ansvarsdeling mellom kommunen og fylkeskommunen. Forslaget blir støtta av mellom anna *Barneombodet, Statsforvaltaren i Innlandet, Møre og Romsdal fylkeskommune, Oslo kommune og Lunner kommune*.

Det er 15 høyningsinstansar som har uttalt seg om forslaget om å innføre ein eigen regel innleiingsvis i lova som skisserer kven som har ansvaret for kva opplæring. Alle som har uttalt seg, støttar forslaget. Blant dei er *Bergen kommune, Drammen kommune, Lunner kommune, Nord-Aurdal kommune, Røros kommune, Sarpsborg kommune, Sandefjord kommune, KS og Utdanningsforbundet. KS*, og fleire kommunar med tilvising til KS' høyningsinnspel, understrekar viktigheten av at ansvaret innleiingsvis blir slått fast i lova. KS uttaler vidare at lovteksten konsekvent bør bruke kommunen og fylkeskommunen som pliktsubjekt, ettersom det er kommunen og fylkeskommunen som har det formelle ansvaret. Subsidiært sluttar KS seg til ei presisering om at ansvaret til kommunen og fylkeskommunen omfattar alle plikter som i lovteksten er lagde til skolen, rektor og personal i skolen.

### **53.4.2 Ansvaret for opplæring i institusjon**

Om lag ti høyningsinstansar har uttalt seg om forslaga om å vidareføre ansvaret til fylkeskommu-

nane for opplæring til dei som bur i barnevernsinstitusjon, innlagde i helseinstitusjon og innsette i fengsel. Forslaga blir i hovudsak støtta av høyriingsinstansane som har uttalt seg, blant dei *Barneombodet, Statsforvaltaren i Vestland, Oslo kommune, Viken fylkeskommune og Utdanningsforbundet*.

*Skolelederforbundet* har innspel til reglane om opplæring i institusjon og uttaler mellom anna at det bør komme fram at institusjonen skal sørge for «eigna» lokale. Om opplæringa i fengsel uttaler *Skolelederforbundet* og *Statsforvaltaren i Vestland* at det også må komme fram at ansvaret omfattar tilgang til digitale verktøy. Vidare uttaler mellom anna *Skolelederforbundet, Viken fylkeskommune og Oslo kommune* at nemninga «innsette» er misvisande, og at ansvaret bør omfatte alle som er under straffegjennomføring. *Forum for leiarar i institusjonsskolar (FLIS)* meiner det må presiserast tydeleg kven som er omfatta av opplæringsretten i helseinstitusjon, og viser til at stadig meir av behandlinga i dag går føre seg poliklinisk. *FLIS* uttaler også at det bør presiserast i lovtaksten at lokala som blir nytta ved opplæring i helseinstitusjon, skal vere i tråd med gjeldande arealnorm for skolar.

Det er elleve høyriingsinstansar som har uttalt seg om forslaget om å lovfeste at fylkeskommunen skal ha ansvar for å oppfylle retten til grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa for barn og søsken til innlagde i helseinstitusjon. Dette er *Barneombodet, Institutt for spesialpedagogikk ved Universitetet i Oslo*, nokre fylkeskommunar, nokre kommunar, *Utdanningsforbundet, Forum for ledere i institusjonsskoler (FLIS)* og *Handikappede Barns Foreldreforening (HBF)*. Alle høyriingsinstansane som har uttalt seg, støttar forslaget. Nokre av instansane har uttalt seg om dei foreslår vilkåra. *Barneombodet* er positive til at det blir klargjort korleis det skal vurderast om opphaldet er langt nok, ved forslaget om at institusjonsoppahaldet må medføre eit forventa fråvær på meir enn 14 dagar per skoleår for barnet eller søskenet. *Bergen kommune* støttar også dette kravet. Denne kommunen støttar også forslaget om at «pårørande» skal forståast på same måten som i helsepersonellova § 10 a. *Agder fylkeskommune* meiner forslaget om å stille krav om at opphaldet må vere av ei viss varigheit, er uheldig, medan *FLIS* uttaler at det bør gjerast ei nærmare vurdering av dette kravet. *Vestfold og Telemark fylkeskommune* uttaler at forslaget om å utvide ansvaret til fylkeskommunen til barn og søsken av innlagde ikkje vil få vesentlege økonomiske konsekvensar

for fylkeskommunen fordi dei kan løyse det auka ansvaret innanfor dagens rammer.

### 53.4.3 Unntak frå ansvarsdelinga

Få høyriingsinstansar har uttalt seg om forslaget om å vidareføre reglane om at departementet i særlege tilfelle kan godkjenne unntak frå ansvarsdelinga, og at unntaka blir samla i ein paragraf. Forslaget blir støtta av dei som har uttalt seg, blant dei *Barneombodet* og *Viken fylkeskommune*. *Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir)* set spørjeteikn ved om den foreslalte ordlyden om at departementet kan godkjenne at ein fylkeskommune «driv» vidaregåande opplæring i utlandet, framfor dagens ordlyd om at fylkeskommunen kan stå «ansvarleg for» slik utdanning, i praksis vil innebere ei realitetsendring. *HK-dir* etterlyser ei grunngiving for kvifor det blir foreslått at fylkeskommunen skal kunne drifta slik utdanning i utlandet.

### 53.4.4 Plikt til å stille ressursar til rådvelde

Det er få høyriingsinstansar som har uttalt seg om forslaget om å ikkje vidareføre reguleringa av at kommunen og fylkeskommunen skal stille til rådvelde dei ressursane som er nødvendige for å etterleve lova. Forslaget blir støtta av *Barneombodet* og *Bergen kommune*. *Utdanningsforbundet* støttar ikkje forslaget og viser til at dei er bekymra for at spesifikke plikter blir tekne ut av lova. *Utdanningsforbundet* meiner at det er ein reell risiko for at økonomiske omsyn kan bli tillagde større vekt enn fagleg-pedagogiske vurderingar i spørsmål som er av fagleg-pedagogisk karakter.

## 53.5 Departementets vurdering

### 53.5.1 Ein hovudregel om ansvar

Departementet foreslår, som i høyringa, å vidareføre dagens ansvarsdeling mellom kommunen og fylkeskommunen. Dette inneber at kommunen som hovudregel skal oppfylle retten til grunnskoleopplæring, medan fylkeskommunen som hovudregel skal oppfylle retten til vidaregåande opplæring, sjå §§ 28-1 og 28-2. Unntaka frå denne ansvarsdelinga er omtalte i punkt 53.5.2 og 53.5.3. Departementet har etter høyringa gjort enkelte språklege endringar i paragrafane om ansvar.

Ansvaret til kommunen og fylkeskommunen må komme klart fram av lova slik at ho er lett å bruke. Det må vere lett for elevar og foreldre, kommunane og fylkeskommunane og andre å sjå

kven som har ansvaret for å oppfylle dei ulike rettane og pliktene i lova. Departementet meiner det bør vere eit eige kapittel i lova med ei nærmare regulering av det juridiske og økonomiske ansvaret til kommunen og fylkeskommunen.

Som hovudregel er kommunen og fylkeskommunen pliktsubjekt for pliktene i opplæringslova, men i enkelte tilfelle blir plikter lagde til skolen, rektor eller andre tilsette i skolen, sjá nærmere omtale av denne vurderinga i punkt 4.5.6. Departementet er samd med mellom anna KS i at ansvaret kan komme tydelegare fram av lova. Departementet foreslår derfor å presisere kommunens og fylkeskommunens overordna ansvar også der det i lovteksten blir lagt plikter på skolen, rektor eller andre tilsette i skolen, sjá forslaget til §§ 28-1 første ledd andre punktum og 28-2 første ledd andre punktum.

Departementet meiner ansvaret til kommunen og fylkeskommunen kjem tydeleg nok fram av reglane i kapittel 28, og at det ikkje er nødvendig med ein eigen paragraf innleiingsvis i lova som skisserer hovudregelen om kven som har ansvaret for kva opplæring. Departementet vil også vise til at kommunens og fylkeskommunens ansvar er presisert i merknadene til paragrafane i dei tilfella ansvaret ikkje framgår direkte av lovteksten.

Departementet foreslår å vidareføre heimlane til å gi forskrift om eller fastsetje i enkeltvedtak kven som skal reknast som busette i kommunen eller fylket, og heimelen til å gi forskrift om at ein kommune skal ha det økonomiske ansvaret for grunnskoleopplæringa for elevar som får slik opplæring utanfor kommunen.

Departementet foreslår å vidareføre at fylkeskommunar som har ledig kapasitet, har plikt til å gi tilbod om vidaregåande opplæring til søkjrarar frå andre fylke dersom dei har rett til opplæring etter § 5-1. Heimfylket skal refundere utgiftene til vertsfylket for dei som får skoleplass i eit anna fylke enn dei bur i. Departementet kan gi nærmare forskrift om slik refusjon.

Fylkeskommunen skal også framleis ha ansvaret for å ha eit tilbod om karriererettleiing til innbyggjarane i fylket, sjá punkt 46.

Departementet foreslår enkelte nye eller utvida rettar som får noko å seie for ansvaret til kommunen og fylkeskommunen. Mellom anna foreslår departementet ein utvida rett til vidaregåande opplæring, sjá punkt 40. Den utvida retten gir fylkeskommunane eit større ansvaret for å sørge for at alle kan bestå den vidaregåande opplæringa, noko som inneber at enkelte vil ha rett på meir opplæring enn etter dagens reglar. Dette vil påverke fylkeskommunane der elevane er

busette, men også dei fylkeskommunane som tek inn elevar etter § 28-2 tredje ledd om plikt til å gi tilbod til søkerarar frå andre fylke dersom fylkeskommunen har kapasitet. Andre forslag om nye eller utvida rettar går fram av dei enkelte punkta i proposisjonen.

Kommunar og fylkeskommunar kan samarbeide med andre kommunar og fylkeskommunar om oppgåver knytte til opplæringa. Oppgåvene må ikkje vere lovpålagde. Slikt interkommunalt samarbeid er regulert i kommunelova § 17-1. Til dømes kan kommunane og fylkeskommunane samarbeide for å gi elevar med rett til opplæring i og på teiknspråk tilgang til eit teiknspråkleg miljø, sjá punkt 29. Kommunane kan også inngå avtale om at eit område i ein kommune sognar til ein skole i nabokommunen, sjá punkt 12. Ved interkommunale samarbeid gjeld framleis dei ordinære reglane om ansvar i forslaget til §§ 28-1 og 28-2.

### **53.5.2 Ansvar for opplæring i institusjon**

#### *Bebuarar i barnevernsinstitusjon*

Departementet foreslår å vidareføre ansvaret fylkeskommunen har for opplæring til dei som bur i barnevernsinstitusjon i fylket. Fylkeskommunen der barnevernsinstitusjonen ligg, har rett til refusjon frå fylkeskommunen der eleven var busett då vedtaket om plassering vart gjort. Departementet kan gi forskrift om satsar for refusjon.

Ansvaret til fylkeskommunen inneber at han må oppfylle alle rettar og pliktar etter opplæringslova. Fylkeskommunen må sørge for nødvendig undervisningsmateriell og utstyr i tråd med §§ 2-5 og 5-8. Sjá nærmere omtale av desse reglane i punkt 9 og punkt 40.

Når opplæringa finn stad i barnevernsinstitusjonen, må institusjonen sørge for nødvendige lokale. Når opplæringa skjer ein annan stad, må fylkeskommunen sørge for nødvendige lokale. Lokala må vere eigna og dei må oppfylle alminnelige tekniske og tryggingsmessige krav i plan- og bygningslova og forskrift om miljøretta helsevern i barnehager og skoler.

#### *Innlagde i helseinstitusjonar og barn og søsken til innlagde i helseinstitusjonar*

Departementet foreslår å vidareføre ansvaret fylkeskommunen har for opplæring til innlagde i helseinstitusjon. Ansvaret omfattar innlagde som får spesialisthelsetenester finansierte av staten. Departementet understrekar at ansvaret til fylkes-

kommunen som eit utgangspunkt skal omfatte dei som er innlagde i helseinstitusjon. Dette er ei vidareføring av dagens reglar. I enkelte tilfelle kan ansvaret også omfatte dagpasientar og polikliniske pasientar, når tilknytinga pasienten har til institusjonen kan likestilla med det å vere døgnpasient.

Departementet foreslår, som i høyringa, å lovfeste at fylkeskommunen også skal oppfylle retten til grunnskoleopplæring og vidaregående opplæring for barn og søsken til innlagde i helseinstitusjon, når institusjonsopphaldet vil kunne medføre fråvær fra opplæringa for barnet eller søskenet av ei viss varigheit. Elevar kan vere pårørande til foreldre eller søsken som er innlagde på sjukehus, og derfor bu på eller ved sjukehuset i kortare eller lengre periodar for å vere saman med nære familiemedlemmer. Departementet legg her til grunn den same definisjonen av barn som er pårørande, som i helsepersonellova § 10 a. Etter denne regelen blir mindreårige barn rekna som pårørande der forelderen eller søskenet til barnet er pasient med psykisk sjukdom, rusmiddelavhengnad eller alvorleg somatisk sjukdom eller skade.

I praksis vil barn som pårørande i slike situasjonar, ofte bu på sjukehushotell, på andre hotell, hos slektingar, i leigd bustad i nærleiken av sjukehuset eller liknande. Barn som bur ved eller på sjukehus fordi dei er pårørande til innlagde, kan i nokre tilfelle vere avskorne frå å følgje det ordinære opplæringstilbodet, særleg dersom sjukehuset ligg langt frå heimskolen.

Departementet meiner ei lovfesting av dette ansvaret vil ha mange fordelar for elevane det gjeld, og familiane deira. Det vil sikre at retten til opplæring blir oppfylt, gi meir føreseielege vilkår, og det kan redusere risikoene for tap av verdifull opplæring for elevar som er i ein sårbar situasjon. Ein annan positiv effekt kan vere at eleven kan oppleve avveksling og normalitet i ein kvardag som elles kan vere prega av sjukdom, bekymring og unntakstilstand. Tiltaket kan også bidra til å avlaste familiane, ved at dei slepper praktiske utfordringar med å få gjennomført opplæring på heimstaden.

Departementet understrekar at det for mange barn som opplever periodar med alvorleg sjukdom i nærmiljøet, kan vere viktig å halde på kontakten med sitt vande skolemiljø. Hovudregelen også for elevar som er pårørande, bør vere at dei følgjer opplæringa ved heimskolen. Opplæringa kan også i kortare periodar givast som fjernundervisning dersom vilkåra for dette er oppfylte, sjá omtale i punkt 15. Det at ein elev ikkje kan komme på skolen fordi eleven er pårørande, kan

vere ein god grunn til å gi opplæring som fjernundervisning og ein særleg grunn til å la eleven få fjernundervisning andre stader enn på skolen, sjá dei foreslalte vilkåra for bruk av fjernundervisning i § 14-4. Om det er trygt og pedagogisk forsvarleg å gi opplæringa som fjernundervisning, må vurderast konkret, og det må leggjast til rette for at lærar og elev kan kommunisere effektivt, sjá punkt 15. Kommunen vil ikkje ha plikt til å tilby fjernundervisning i slike tilfelle, men dette kan i nokre tilfelle vere tenleg for ein kortare periode for å leggje til rette for at eleven kan følgje opplæringa på heimskolen og samtidig vere saman med familien i ein vanskeleg situasjon.

Departementet meiner at ansvaret til fylkeskommunen bør ta til å gjelde når institusjonsopphaldet truleg vil medføre meir enn fjorten dagars fråvær per skoleår for eleven. Til høyringsinnspel om at det er uheldig å avgrense retten til opplæring ved sjukehusskolen ved å stille krav til varigheit, understrekar departementet at det av pedagogiske og praktiske årsaker ikkje er tenleg at ansvaret til fylkeskommunen trer inn ved fråvær frå ordinær opplæring på berre få dagar. Fråværet kan vere knytt til eitt lengre sjukehusopphald eller gjentekne kortare sjukehusopphald ved alvorlege tilstandar. Spesialisthelsetenesta har ei målsetjing om å redusere talet på liggjedøgn for alle pasientar, sjølv dei med alvorlege kroniske tilstandar. Dette kan medføre utbreidd bruk av pendling til og frå institusjon som ligg langt frå heimen, og barnet eller søskenet kan i slike tilfelle ha behov for undervisning på eller i nærleiken av institusjonen, sjølv om fråværet ikkje er samanhengande.

Ansvaret bør reserverast for dei tilfella der elevane av ulike grunnar ikkje kan følgje opplæringsstilbodet på heimstaden, til dømes på grunn av lang reiseveg mellom sjukehus og heimskole. For å vurdere om fråværet frå ordinær opplæring er av ein slik karakter at fylkeskommunen bør ha ansvaret for opplæringa til eleven, må det leggjast vekt på om eleven bur på eller i nær tilknyting til institusjonen på grunn av sjukdom hos søsken eller foreldre. Regelen bør opne for ein viss fleksibilitet, slik at det kan takast omsyn til særlege forhold hos den enkelte eleven og i den enkelte familien. Her har departementet tillit til at fylkeskommunane, kommunane og den familien det gjeld, finn fram til gode løysingar lokalt. Omsynet til det beste for barnet og retten barnet har til å bli høyrd, vil leggje rammer og føringar for når ansvaret til fylkeskommunen trer inn, sjá §§ 10-1 og 10-2.

For fylkeskommunane er det ein fordel at opplæringsstilbod allereie er etablert for elevar som er innlagde i helseinstitusjon. Auken i talet på barn

som vil ha behov for eit opplæringstilbod ved helseinstitusjonane på det foreslalte grunnlaget, synest relativt avgrensa.

Departementet foreslår å vidareføre refusjonsretten for fylkeskommunen der ein helseinstitusjon ligg, frå fylkeskommunen der eleven var busett på innleggingstidspunktet. Refusjonsretten er avgrensa til innlegging i institusjonar som tilbyr tverrfagleg og spesialisert behandling for rusmid-delavhengige, og innlegging i psykisk helsevern. Departementet kan gi forskrift om satsar for refusjon.

Dersom opplæringa skjer i helseinstitusjon, skal institusjonen etter forslaget sørge for nødvendige lokale. Dette inneber at lokala må vere eigna, og at dei må oppfylla alminnelege tekniske og tryggingsmessige krav i plan- og bygningslova og forskrift om miljøretta helsevern i barnehager og skoler.

Ansvaret til fylkeskommunen inneber at han må oppfylle alle rettar og plikter etter opplæringslova. Fylkeskommunen må sørge for nødvendig undervisningsmateriell og utstyr i tråd med §§ 2-5 og 5-8. Sjå nærmere omtale av desse reglane i punkt 9 og punkt 40.

#### *Innsette i fengsel*

Departementet foreslår å vidareføre ansvaret fylkeskommunen har for opplæring til innsette i fengsel. Når opplæringa finn stad i fengselet, må kriminalomsorga sørge for nødvendige lokale. Når opplæringa finn stad utanfor fengselet, må fylkeskommunen sørge for lokala. Lokala må vere eigna, og dei må oppfylle alminnelege tekniske og tryggingsmessige krav i plan- og bygningslova og forskrift om miljøretta helsevern i barnehager og skoler.

Ansvaret til fylkeskommunen inneber at han må oppfylle alle rettane og pliktene etter opplæringslova for innsette i fengsel. Fylkeskommunen må sørge for nødvendig undervisningsmateriell og utstyr i tråd med §§ 2-5 og 5-8. Sjå nærmere omtale av desse reglane i punkt 9 og punkt 40.

Departementet understrekar at ansvaret fylkeskommunen har etter paragrafen, berre skal omfatte opplæring i institusjon, i dette tilfellet for innsette i fengsel. Domfelte under andre straffegjennomføringsformer vil vere omfatta av dei andre reglane om ansvar. Sjå nærmere omtala av rekkjevida av ansvaret fylkeskommunen har, i merknaden til § 28-5.

#### **53.5.3 Unntak frå ansvarsdelinga**

Departementet foreslår å vidareføre høvet til å gjere unntak frå hovudreglane om kva opplæring kommunen og fylkeskommunen har ansvaret for. Departementet meiner at det er tenleg å samle reglane om unntak frå ansvarsdelinga i ein paragraf, sjå § 28-6. Etter forslaget kan departementet i særlege tilfelle godkjenne at ein fylkeskommune har ansvar for grunnskoleopplæring, og at ein kommune har ansvaret for vidaregående opplæring. Departementet kan vidare godkjenne at ein fylkeskommune står ansvarleg for vidaregående opplæring i utlandet. Departementet understrekar at dei språklege justeringane i regelen samanlikna med dagens regel ikkje inneber ei realitetsendring. Om bakgrunnen for regelen viser departementet til vurderingane i Prop. 96 L (2010–2011) *Endringar i opplæringslova og privatskolelova (politiattest m.m.)*.

Vidare kan staten i særlege tilfelle vere ansvarleg for grunnskoleopplæring og vidaregående opplæring. Departementet ser at det i tilfelle der staten driv grunnskoleopplæring eller vidaregåande opplæring, oppstår ulike spørsmål om kva for reglar i opplæringslova som gjeld for desse skolane. Staten driv i dag to samiske vidaregående skolar. Utgangspunktet i dag er at dei statlege vidaregåande skolane er omfatta av dei same lovreglane som fylkeskommunale skolar. Enkelte reglar passar likevel dårligare når staten er skoleeigar, og det kan oppstå tvil om kva reglar som gjeld.

Departementet meiner det ut frå ei naturleg forståing av lova som eit utgangspunkt må avgrensa mot plikter og reglar som gjeld for fylkeskommunen som ei administrativ eining og styresmakt. Dette er samtidig ikkje alltid eit heilt tydeleg skilje. For å sikre ei forsvarleg og rettsikkert drift av skolane meiner departementet det kan vere tenleg å kunne regulere nærmare kva for reglar som gjeld i desse tilfella, inkludert å kunne fastsetje enkelte reglar som avvik frå det som elles følgjer av lov og forskrift. Sjølv om det ikkje var foreslått i høyringa, foreslår departementet derfor å innføre ein heimel for departementet til å gi forskrift om rekkjevida opplæringslova har for statleg grunnskoleopplæring og vidaregående opplæring, men slik at lova og forskriften til lova gjeld med mindre noko anna blir fastsett. Eventuelle forslag til forskrifter om dette vil bli sende på høyring på vanleg måte.

### **53.5.4 Plikt til å stille ressursar til rådvelde**

Departementet meiner at plikta kommunane og fylkeskommunane har til å oppfylle krava i lova, mellom anna å stille nødvendige ressursar til rådvelde, er overflødig. Kommunane og fylkeskommunane er ansvarlege for å oppfylle pliktene i lova. Dette inneber mellom anna å stille til rådvelde dei ressursane som er nødvendige for å oppfylle krava.

Til *Utdanningsforbundets* høyringsinnspeil om at det er ein reell risiko for at økonomiske omsyn kan bli tillagde større vekt enn fagleg-pedagogiske vurderingar i spørsmål av fagleg-pedagogisk karakter, understrekar departementet at om det kan leggjast vekt på økonomiske omsyn i dei ulike skjønnsmessige vurderingane i lova, avheng av kva som skal vere grunnlaget for skjønnsutøvinga. Kva ansvar kommunen og fylkeskommunen konkret har, må derfor avklarast gjennom å tolke den konkrete lovregelen. Departementet foreslår på denne bakgrunnen å ikkje vidareføre reguleringa av plikta kommunen og fylkeskommunen har til å stille til rådvelde dei ressursane som er nødvendige for å etterleve lova.

### **53.6 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å vidareføre dagens ansvarsdeling mellom kommunen og fylkeskommunen, sjå forslaget til §§ 28-1 og 28-2
- å vidareføre ansvaret til fylkeskommunen for opplæring til dei som bur i barnevernsinstitusjon, dei som er innlagde i helseinstitusjon, og innsette i fengsel, sjå forslaget til §§ 28-3, 28-4 og 28-5
- å innføre ein regel om at fylkeskommunen skal ha ansvar for opplæring til barn og søskjen til innlagde i helseinstitusjon når institusjonsopp-haldet truleg vil føre til meir enn 14 dagars fråvær per skoleår for barnet eller søskenen, sjå forslaget til § 28-4 første ledd andre punktum
- å vidareføre at departementet i særlege tilfelle kan godkjenne unntak frå ansvarsdelinga, sjå forslaget til § 28-6
- å innføre ein heimel for departementet til å gi forskrift om unntak frå reglane i lova og forskrifter til lova når staten driv grunnskoleopplæring og vidaregående opplæring, sjå forslaget til § 28-6 tredje ledd andre punktum
- å ikkje vidareføre regelen om at kommunen og fylkeskommunen skal stille til rådvelde dei ressursane som er nødvendige for å etterleve lova

## 54 Behandling av personopplysningar

### 54.1 Innleiing

Dette punktet handlar om reglar om behandling av personopplysningar i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa.

I Prop. 145 L (2020–2021) *Endringar i opplæringslova, friskolelova og barnehagelova (behandling av personopplysningar, fjernundervisning o.a.)* foreslo departementet ny regulering av behandling av personopplysningar i barnehage, grunnskole og vidaregående opplæring. Proposisjonen har også ein gjennomgang av generelle reglar for behandling av personopplysningar. Sjå også Innst. 512 L (2020–2021) frå utdannings- og forskningskomiteen. Lovendringane tok til å gjelde 1. august 2021.

I tillegg er behandling av personopplysningar drøfta i samband med

- forslaget om å lovfeste ei oppfølgingsplikt ved fråvær (punkt 13.3.4)
- forslaget til ein generell regel om fjernundervisning (punkt 15.5.11)
- forslaget til reglar om overgang frå barnehagen til skolen og skolefritidsordninga (punkt 23.5.1)
- forslaget til reglar om samarbeid mellom velferdstenester (punkt 23.5.2)
- forslaget til reglar om overgang frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa (punkt 40.11.4.3)
- forslaget til reglar om godkjening av utanlandske fag- og yrkesopplæring (punkt 49.5.3)
- forslaget til reglar om deltaking i evalueringar og informasjonsinnhenting (punkt 58.5)
- reglar for privatskolar om overgang frå grunnskole til vidaregående opplæring (punkt 66.5.15)

Departementet understrekar at dette ikkje er ei uttømmande liste over regler som føreset behandling av personopplysningar eller i kva situasjonar det er nødvendig å behandle personopplysningar. Lista er ei oversikt over kva punkt i proposisjonen som drøfter personopplysingsspørsmål utover dette punktet.

### 54.2 Dagens reglar

#### 54.2.1 Personopplysingslova og personvernforordninga

##### *Innledning*

Personopplysingslova og EUs personvernforordning (forordning om vern av individ ved behandling av personopplysningar og om fri flyt av slike opplysningar, også kalt GDPR) stiller krav om ein tydeleg og føreseileg praksis og at behandlingsgrunnlag skal vere klare og tydelege. Personopplysingslova gjennomfører personvernforordninga i norsk rett.

##### *Grunnleggjande prinsipp for behandling av personopplysningar*

Reglane for behandling av personopplysningar bygger på nokre grunnleggjande prinsipp som er fastsette i artikkel 5 i forordninga. Alle som behandler personopplysningar, må rette seg etter desse prinsippa, og det er eit krav at den som behandler personopplysningar, skal kunne dokumentere at prinsippa blir overhaldne.

All behandling av personopplysningar må vere *lovleg, rettferdig og gjennomsiktig*. Det vil blant anna seie at det må ligge føre eit rettsleg grunnlag før behandlinga av personopplysningar kan skje, eit såkalla behandlingsgrunnlag. Eit sentralt prinsipp er at personopplysningar berre skal behandlast for spesifikke, uttrykkeleg oppgitte og legitimate formål, og at personopplysningar ikkje kan gjenbrukast til formål som ikkje er i samsvar med det opphavlege formålet (*formålsavgrensing*). Prinsippet om *dataminimering* inneber at mengda innsamla personopplysningar skal avgrensast til det som er nødvendig for å oppnå innsamlingsformålet. Personopplysningar som blir behandla, skal vere *korrekte*. Opplysningsane skal òg oppdaterast dersom det er nødvendig. Prinsippet om *lagringsavgrensing* inneber at personopplysningar ikkje skal lagrast lenger enn det som er nødvendig for formålet dei blei innhenta for. Personopplysningar skal behandlast slik at *integriteten og konfidensialiteten* til opplysningsane er verna (sik-

ring av personopplysningane). Prinsippet om *ansvarlegheit* vil seie at den behandlingsansvarlege har ansvar for å overhalde reglane for behandling av personopplysningar og må kunne dokumentere dette.

#### *Krav om behandlingsgrunnlag*

For å kunne behandle personopplysningar krevst det eit rettsgrunnlag. Reglane om behandlingsgrunnlag følgjer av forordninga artikkel 6.

Eit samtykke frå den opplysingane gjeld, kan gi den behandlingsansvarlege rettsgrunnlag for å behandle personopplysningar om vedkomande. Dette følgjer av artikkel 6 nr. 1 bokstav a. Eit samtykke etter personvernforordninga må vere ei frivillig, spesifikk, informert og utvitydig viljesytring frå den registrerte der vedkomande ved ei erklæring eller tydeleg stadfesting gir samtykke til behandling av personopplysningar som gjeld han eller henne. Dette er regulert i artikkel 4 nr. 11. Artikkel 7 set opp nærare vilkår for samtykke. Etter fortalepunkt 43 bør samtykke ikkje utgjere eit rettsleg grunnlag for behandlinga dersom det er ein klar skeivskap mellom den registrerte og den behandlingsansvarlege, særleg dersom den behandlingsansvarlege er ei offentleg styremakt. Ein slik skeivskap kan bety at det er mindre sannsynleg at samtykket er frivillig etter forordninga.

Samtykke er derfor mindre eigna som eit rettsleg grunnlag for behandling av personopplysningar ved utøving av offentleg styremakt. Årsaka til dette er at eit samtykke truleg ikkje kan reknast som frivillig når opplysingane skal behandlast i samband med å få oppfylt ein rett og anna frå det offentlege. Reguleringa av samtykke inneber at dette først og fremst bør brukast på område som ikkje er offentlegrettsleg regulerte.

I offentleg forvaltning vil behandlingsgrunnlaga i artikkel 6 nr. 1 bokstav c og e vere mest aktuelle. Samtykke bør ikkje brukast når behandlinga i staden kan ha grunnlag i artikkel 6 nr. 1 bokstav c eller e, noko som til vanleg vil vere tilfellet for behandling av personopplysningar i barnehage og skule.

Artikkel 6 nr. 1 bokstav c gir grunnlag for behandling som er nødvendig for å oppfylle ei rettsleg forplikting som kviler på den behandlingsansvarlege. Artikkel 6 nr. 1 bokstav e gir høve til behandling når dette er nødvendig for å utføre ei oppgåve i allmenta si interesse eller utøve offentleg styremakt som den behandlingsansvarlege er pålagd. Det følgjer av forordninga artikkel 6 nr. 3 at «grunnlaget for behandlingen» nemnt i nr. 1 bokstav c og e «skal fastsettes» i uni-

onsretten eller i den nasjonale retten i medlemsstatane. Dette inneber at artikkel 6 nr. 1 bokstav c eller e ikkje åleine kan utgjere behandlingsgrunnlag, men at den behandlingsansvarlege i tillegg må kunne vise til eit supplerande grunnlag for behandlinga, som i dette tilfellet må finnast i nasjonal rett som den behandlingsansvarlege er underlagd.

Justis- og beredskapsdepartementet har i forarbeida til personopplysningslova uttalt at det må leggjast til grunn at i alle fall lov- og forskriftsreglar kan utgjere supplerande rettsgrunnlag etter artikkel 6 nr. 3 i forordninga, og at det synest å vere tilstrekkeleg at det supplerande rettsgrunnlaget pålegg den behandlingsansvarlege ei rettsleg forplikting som det er nødvendig å behandle personopplysningar for å oppfylle. Justis- og beredskapsdepartementet har, når det gjeld utøving av offentleg styremakt etter utlendingslova, lagt til grunn at kravet om supplerande rettsgrunnlag etter artikkel 6 nr. 3 i forordninga synest oppfylt dersom behandlinga går fram av lov, og at det ikkje er nødvendig at det supplerande rettsgrunnlaget uttrykkeleg regulerer behandling av personopplysningar, sjå Prop. 59 L (2017–2018) om endringar i utlendingslova punkt 4.1.3.1.

Kunnskapsdepartementet legg den same vurderinga til grunn når det gjeld utøving av offentleg styremakt etter lovene på Kunnskapsdepartementets ansvarsområde.

Justis- og beredskapsdepartementet peikar på at forordninga må tolkast og brukast i lys av Grunnlova § 102 og EMK artikkel 8, noko som kan innebere strengare krav til eit tydelegare og meir spesifikt supplerande rettsgrunnlag enn ordlyden i forordninga kan tilseie, sjå Prop. 56 LS (2017–2018) side 33. Punkt 41 i fortalen til personvernforordninga gir uttrykk for at eit supplerande rettsleg grunnlag bør vere tydeleg og presist, slik at behandlinga av personopplysningar er føresieleg for den registrerte.

Kva krav til klarleik som må stillast til det supplerande rettsgrunnlaget, kjem an på ei konkret vurdering der det blant anna skal leggast vekt på kor inngripande behandlinga er.

#### *Behandlingsgrunnlag for særlege kategoriar av personopplysningar*

Det er stilt særlege krav til behandling av såkalla særlege kategoriar av personopplysningar. Forordninga artikkel 9 definerer særlege kategoriar av personopplysningar som opplysningar om

- rasemessig eller etnisk opphav
- politisk oppfatning

- religion
- filosofisk overtyding
- fagforeningsmedlemskap
- genetiske og biometriske kjenneteikn som ein tydig identifiserer ein fysisk person
- helseopplysningar
- seksuelle forhold ved eller den seksuelle orienteringa til ein fysisk person

Desse personopplysningskategoriane er av natur særleg sensitive og derfor gitt særskilt vern, ettersom samanhengen dei blir behandla i, kan skape alvorleg risiko for dei grunnleggande rettane og fridommane til den enkelte, sjá punkt 51 i fortalen. Forordninga har derfor tilleggsvilkår for behandling av slike opplysningar. Behandling av særlege kategoriar av personopplysningar er i utgangspunktet forbode etter artikkel 9 nr. 1, med mindre ei av unntaksreglane i artikkel 9 nr. 2 opnar for behandlinga, eventuelt i kombinasjon med nasjonale lovreglar.

Særleg aktuell er forordninga artikkel 9 nr. 2 bokstav g, som opnar for behandling som er nødvendig av omsyn til «viktige allmenne interesser». Behandlinga må her skje på «grunnlag av» unionsretten eller nasjonal rett, som skal «stå i et rimelig forhold til det mål som søkes oppnådd, være forenlig med det grunnleggende innholdet i retten til vern av personopplysninger og sikre egnede og særlege tiltak for å verne den registrerte grunnleggende rettigheter og interesser». Justis- og beredskapsdepartementet har lagt til grunn at det som utgangspunkt må ligge føre ei lov eller forskrift som opnar for behandling av særlege kategoriar av personopplysningar. Forordninga gir ikkje noko eintydig svar på kor klart eller spesifikt slike nasjonale reglar må vere utforma. På same måte som når det gjeld kravet om supplerande rettsgrunnlag etter artikkel 6 nr. 3, må det vurderast konkret om ein regel er tilstrekkeleg for ei gitt behandling. Det at slike opplysningar treng eit særleg vern, kan tilseie at det må krevjast klarare rettsleg grunnlag enn etter artikkel 6 nr. 3. Sensitiviteten til personopplysningane vil i denne samanhengen vere eit moment i vurderinga av arten og omfanget av inngrepene, som igjen har konsekvensar for kva krav som blir stilte til det supplerande rettsgrunnlaget. Nasjonal rett skal sikre «egnede og særlege tiltak» for å verne den registrerte grunnleggende rettigheter og interesser. I den samanheng må det ses hen til at kommunen og fylkeskommunen er forvaltningsorganer som er underlagt forvaltningslovas regler om blant annet taushetsplikt.

Forordninga artikkel 10 fastset ytterlegare krav til behandling av opplysningar om straffedommar og lovbro. Behandling av personopplysningar om straffedommar og lovbro eller tilknytte tryggleikstiltak på grunnlag av artikkel 6 nr. 1 skal berre utførast under kontroll av ei offentleg styresmakt eller dersom behandlinga er tillaten i samsvar med unionsretten eller nasjonal rett i medlemsstatane som sikrar nødvendige garantiar for rettane og fridommane til dei registrerte. Det krevst eit supplerande rettsgrunnlag i nasjonal rett for at slik behandling skal vere tillaten.

#### *Om vidarebehandling*

Det følgjer av personvernforordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav b at personopplysningar skal samlast inn for «spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål og ikke viderebehandles på en måte som er uforenlig med disse formålene».

Med vidarebehandling er det meint behandling av personopplysningar for nye formål, det vil seie andre formål enn innsamlingsformålet. Dersom vidarebehandlinga inneber utlevering frå ein behandlingsansvarleg til ein annan, skjer det ei vidarebehandling hos begge partar. Den som utleverer, vidarebehandlar i form av utlevering. Den som innhentar, vidarebehandlar i form av innhenting og eventuell vidarebruk.

Vidarebehandlinga vil anten vere i samsvar, eller ikkje i samsvar, med innsamlingsformålet. Dersom vidarebehandlinga er i samsvar med det opphavlege formålet, krevst det ikkje noko anna rettsleg grunnlag enn det som ligg til grunn for innsamlinga av personopplysningar, og opplysningane kan delast. Slik vidarebehandling kan altså skje utan eit særskilt rettsgrunnlag.

Ei vidarebehandling som ikkje er i samsvar med innsamlingsformålet, er i utgangspunktet forbode, jf. forordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav b. Forbodet gjeld uavhengig av kven som utfører vidarebehandlinga. Artikkel 6 nr. 4 set opp ei ikkje-uttømmande liste med moment det skal leggast vekt på i vurderinga av om vidarebehandlinga er i samsvar med innsamlingsformålet.

For at vidarebehandling som ikkje er i samsvar med innsamlingsformålet, skal vere lovleg, må ho anten ha eit særskilt rettsgrunnlag i nasjonal rett eller vere basert på samtykke frå den registrerte, jf. forordninga artikkel 6 nr. 4.

I Prop. 56 LS (2017–2018) punkt 6.6 side 37 er det lagt til grunn at eit slikt særskilt rettsgrunnlag må knyte seg til sjølve vidarebehandlinga. Finst det ikkje slikt grunnlag for vidarebehandling, må

opplysningane samlast inn på nytt dersom dei skal behandlast for eit formål som ikkje er i samsvar med innsamlingsformålet.

Rettsgrunnlag som skal opne for vidarebehandling for formål som ikkje er i samsvar med innsamlingsformålet, må etter artikkel 6 nr. 4 utgjere «et nødvendig og forholdsmessig tiltak i et demokratisk samfunn for å sikre oppnåelse av målene nevnt i artikkel 23 nr. 1». Dette omfattar blant anna «andre viktige mål av generell allmenn interesse», jf. artikkel 23 nr. 1 bokstav e.

Det er noko uklart kva krav personvernforordninga stiller til det supplerande rettsgrunnlaget. I Prop. 56 LS (2017–2018) punkt 6.3.2 side 32–33 er det lagt til grunn at ordlyden i forordninga ikkje tilseier at det gjeld særleg strenge krav til kor spesifikt eit rettsleg grunnlag bør vere, men at forordninga på dette punktet også må tolkast og brukast i tråd med dei menneskerettslege krava til rettsgrunnlag for inngrep i retten til privatliv. Det kan derfor etter omstenda krevjast eit meir spesifikt grunnlag enn det som kan synast å vere minimumskrava etter ordlyden i forordninga.

Personvernforordninga artikkel 9 set opp ytterlegare krav ved behandling av enkelte kategoriar av personopplysningar som blir rekna som særleg sensitive, såkalla «særlege kategorier av personopplysninger».

Forordninga artikkel 9 nr. 2 bokstav g opnar for behandling som er nødvendig av omsyn til «viktige allmenne interesser». Behandlinga må her skje på «grunnlag av» unionsretten eller nasjonal rett som skal «stå i et rimelig forhold til det mål som søkes oppnådd, være forenlig med det grunnleggende innholdet i retten til vern av personopplysninger og sikre egnede og særlege tiltak for å verne den registrertes grunnleggende rettigheter og interesser». Personopplysningslova § 7 første ledd opnar for behandling av slike opplysningar, men berre etter løyve frå Datatilsynet. Andre supplerande rettsgrunnlag etter artikkel 9 nr. 2 bokstav g må følge av anna lovsgiving.

Reglane om behandlingsgrunnlag i artikkel 6 nr. 1 og 3 og vidarebehandling i nr. 4 og om særlege kategoriar av personopplysningar i artikkel 9 gjeld side om side. Ei vidarebehandling av særlege kategoriar av personopplysningar som ikkje er i samsvar med innsamlingsformålet, vil krevje at det ligg føre eit grunnlag etter alle tre reglane, men éin og same lovregel vil kunne oppfylle krava til slikt grunnlag.

#### 54.2.2 Opplæringslova

Reglane i dagens opplæringslov § 15–10 mfl. supplerer personopplysningslova og personvernforordninga. Opplæringslova har supplerande reglar om behandling av personopplysningar i grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa. Opplæringslova § 15–10 har i første ledd ein generell regel som fastslår at kommunar, fylkeskommunar og lærebedrifter skal kunne behandle personopplysningar så langt det er nødvendig for å utføre oppgåver etter opplæringslova. Regelen supplerer behandlingsgrunnlaga i personvernforordninga artikkel 6 nr. 1 bokstav c og e. Regelen gir ikkje i seg sjølv rettsgrunnlag for behandling av personopplysningar, men må sjåast i samanheng med oppgåvene til kommunane, fylkeskommunane og lærebedriftene, som er regulerte i eller med heimel i opplæringslova.

Opplæringslova § 15–10 regulerer i andre og tredje ledd innhenting og deling av personopplysningar ved skolebyte og ved overgang frå grunnskole til vidaregåande opplæring. Fjerde ledd regulerer deling av personopplysningar mellom skolar så langt elevane eller foreldra har gitt løyve til det. Prop. 145 L (2020–2021) har i punkt 2.2.2.2 ein omtale av kva eit slikt løyve inneber, og om retten eleven har til medråderett. Det kjem mellom anna fram at eit vilkår om løyve ikkje inneber same krav som det å gi samtykke etter forordninga. Samtykke er eit behandlingsgrunnlag etter forordninga artikkel 6 nr. 1 bokstav a. Departementet kan gi forskrift om behandlinga av personopplysningar, mellom anna om formålet med behandlinga, behandlingsansvar, kva opplysnings som kan behandlast, kven det kan behandlast personopplysningar om, bruk av automatiserte avgjerder, vidarebehandling, utlevering og tilgang til personopplysningar.

Opplæringslova § 14–4 andre ledd klargjer Utdanningsdirektoratets behandlingsgrunnlag for innsamling, behandling og deling av personopplysningar til bruk i forsking, analyse og statistikk. Paragrafen fastslår at direktoratet kan behandle personopplysningar så langt det er nødvendig for å evaluere opplæringsverksemda som er omfatta av lova. Opplysningane kan også brukast som grunnlag for forsking, analyse og statistikk. Dette omfattar mellom anna å hente inn alle vitnemålsopplysningar frå 10. trinn, resultat for alle elevar i den vidaregåande opplæringa og opplysningar frå nasjonale prøvar og undersøkingar. Paragrafen gir eit supplerande rettsgrunnlag for behandling av personopplysningar i Utdanningsdirektoratets informasjonsinnehenting og evaluering etter første

ledd i paragrafen med forskrifter. Departementet kan gi forskrift om kva opplysningar Utdanningsdirektoratet kan behandle, og om behandlinga.

Opplæringslova § 3-14 regulerer nasjonal database for vitnemål og dokumentasjon av kompetanse (NVB). Dette er eit verktøy for opptak til høgare utdanning og for lagring av og tilgang til digitale vitnemål frå vidaregåande opplæring, privatskolar godkjende etter privatskolelova, fagskolar og andre kompetansebevis. Ifølgje paragrafen kan NVB oppbevare og behandle mellom anna kompetansebevis frå vidaregåande opplæring og vitnemål frå fagskolar i tillegg til vitnemål frå vidaregåande opplæring. NVB kan knyte seg til Vitnemålsportalen, som er ein portal på internett utvikla av Sikt – Kunnskapssektorens tjenesteleverandør, på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet der ein sjølv kan hente ut resultata sine frå høgare utdanning og dele dei med studiestader, arbeidsgivarar eller andre.

Etter opplæringslova § 3-14 andre ledd skal alle vidaregåande skolar rapportere alle vitnemål og kompetansebevis frå vidaregåande opplæring til NVB. I dag blir berre rapportert vitnemål i databasen. Utvidinga frå å rapportere vitnemål til også å rapportere kompetansebevis vil bli gjennomført etter kvart som NVB blir vidareutvikla. NVB er også tenkt å vere eit verktøy (kontrollmotor) for at skolar kan kontrollere om elevar har fagkombinasjonar som vil gi dei studiekompetanse.

Opplæringslova § 15-9 handlar om innhenting av opplysningar frå Folkeregisteret. Her er det fastsett at «[o]ffentlege myndigheter kan utan hinder av teieplikt innhenta opplysningar frå Folkeregisteret når det er nødvendig for å utføra oppgåver etter denne lova. Departementet gir forskrift om kva for opplysningar som kan innhentast».

Som følgje av folkeregistreringslova må heimelen for utlevering av opplysningar frå Folkeregisteret som er omfatta av teieplikt, stå i regelverket som gjeld for dei ulike saksområda. Paragrafen vart innført med verknad frå 1. oktober 2018. Det kjem fram i Prop. 86 L (2017–2018) *Endringer i sameloven mv. (konsultasjoner)* at grunngivinga for forskritsheimelen er:

Kunnskapsdepartementet ser det slik at det ikkje er ynskjeleg å gje ein generell heimel i lova som opnar for å hente inn opplysningar som er omfatta av teieplikta i folkeregisterloven. Det er likevel slik at kva for opplysningar som er naudsynte for å utføre oppgåver etter barnehagelova, opplæringslova eller friskolelova, kan endra seg over tid og på grunn av andre endringar i desse lovene og i dei tilhøy-

rande forskriftene. Kunnskapsdepartementet meiner difor det bør gå klart fram i forskrift kva.

Slik forskrift er gitt i forskrift til opplæringslova § 22 A-1.

## 54.3 Høyringsforslaget

I høyringa foreslo departementet

- å vidareføre reglane om behandling av personopplysningar og om den nasjonale databasen for vitnemål og dokumentasjon av kompetanse
- å vidareføre heimelen for innhenting av opplysningar frå Folkeregisteret

Opplæringslovutvalet avgrensa i NOU 2019: 23 langt på veg mot behov for endringar i opplæringslova som følgje av gjennomføringa av EUs personvernforordning. Utvalet foreslo derfor ikkje nye reglar i opplæringslova, sjå NOU 2019: 23, kapittel 3.3.3.

## 54.4 Høyringsinstansanes syn

### 54.4.1 Generelt

Av dei om lag 16 høyringsinstansane som har uttalt seg, støttar nesten alle heilt eller delvis forslaget om å vidareføre reglane om behandling av personopplysningar og om den nasjonale databasen for vitnemål og dokumentasjon av kompetanse.

Blant høyringsinstansane som støttar forslaga, er *Vestfold og Telemark fylkeskommune, Aukra kommune, Bergen kommune, Lunner kommune, Nittedal kommune, Time kommune, og Utdanningsforbundet*. *Viken fylkeskommune* støttar også forslaga, men ønskjer at supplerande reglar blir utarbeidde i forskrift, då dei foreslår reglane om behandling av personopplysningar og innhenting av opplysningar frå Folkeregisteret elles kan tolka som vidare enn dagens reglar. Også *Oslo kommune* støttar i hovudsak forslaga, men uttaler at det er krevjande å kommentere forslaga utan å ha vurdert eit forslag til forskritsreglar.

### 54.4.2 Reglane om behandling av personopplysningar

Enkelte høyringsinstansar har innspel til forslaget om å vidareføre reglane om behandling av personopplysningar. *Datatilsynet* meiner at forslaget til § 25-1 i for liten grad speglar av forpliktingane sko-

len eller skoleeigar har etter personvernregelverket. *Datatilsynet* meiner mellom anna at lova bør innehalde ei klar tilvising til personvernforordninga artikkel 24 og artikkel 32. Dette er for å gjere tydeleg at det eksisterer eit regelverk utover opplæringslova som kommunen og fylkeskommunen må oppfylle for å sikre at behandlinga av personopplysningar er tillaten. *Datatilsynet* meiner også at det er behov for fleire reglar i lova, eventuelt i forskrift, som kan gi behandlingsgrunnlag til mellom anna bruk av opplysningar samla inn i skolesamanheng til andre formål, som til dømes utvikling og bruk av kunstig intelligens. *Datatilsynet* erfarer at gjeldande opplæringslov ikkje opnar for utelevering eller bruk av elevopplysningar til dette formålet, og oppmodar departementet til å vurdere om det er behov for ein særleg heimel til dette formålet.

Enkelte høringsinstansar har spørsmål til korleis personvernet skal varetakast ved behandling av personopplysningar utanfor kommunen og fylkeskommunen. *Norsk leirskoleforening* oppmodar departementet til å sjå på korleis utveksling av nødvendige personopplysningar ved leirskoleopphold kan gå føre seg på rett måte. *Trygg Trafikk* set spørjeteikn ved korleis personvernet skal varetakast ved delegering av mynde til å gjere vedtak, til dømes til selskap som administrerer skyss (kollektivselskap). *Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir)* foreslår at § 25-1 også bør gi heimel til «andre offentlege organ» og «private eininger som utfører oppgåver etter lova på vegner av offentlege organ», slik at paragrafen gi heimel for den nødvendige behandlinga av personopplysningar for alle aktuelle offentlege organ og private eininger.

#### **54.4.3 Den nasjonale databasen for vitnemål og dokumentasjon av kompetanse**

*Viken fylkeskommune* meiner at forslaget til § 25-2 om reglar om den nasjonale databasen for vitnemål og annan dokumentasjon av oppnådd kompetanse frå vidaregåande opplæring forenklar og sikrar rett dokumentasjon til elevar og privatistar. Fylkeskommunen viser til at det er positivt at også kompetansebevis skal omfattast av ordninga.

*Møre og Romsdal fylkeskommune* meiner at det bør komme fram at vitnemål og kompetansebevis som hovudregel skal vere digitale og berre blir skrivne ut på papir ved førespurnad. Fylkeskommunen meiner at ein slik hovudregel vil lette den administrative byrda og vere bra for miljøet. Fylkeskommunen meiner vidare at det er ein fordel om digitale vitnemål og kompetansebevis også

har ein funksjon i utlandet, særleg innanfor Europa. Fylkeskommunen ber vidare departementet sjå på om digitale vitnemål og kompetansebevis også kan delast til utlandet, særleg innanfor Europa. Fylkeskommunen viser til at dette alle reie er mogleg for vitnemål frå høgare utdanning gjennom tidsavgrensa delingslenkjer frå vitnemål sportalen.

#### **54.4.4 Kommunane si plikt til personvernkonvensensvurderingar**

*KS* og *Oslo kommune* peikar på at det er tyngjande og samfunnsøkonomisk ugunstig at kvar enkelt kommune er pålagd å utføre personvernkonvensensvurderingar (personvernforordninga artikkel 35) for alle applikasjonar. Desse høyringsinstansane viser til at størsteparten av slike tenester er hyllevareprodukt baserte på felleslösinga Feide som sikrar lik behandling på tvers av skoleeigarar. Etter undersøkingar utførte av *KS* har kommunane i gjennomsnitt teke i bruk over hundre ulike digitale læringsressursar. *KS* ber departementet vurdere nærmere om det i ny opplæringslov skal opnast for at det skal givast i oppdrag til nasjonalt styringsnivå å gjennomføre generelle vurderingar av personvernkonvensar for utvalde digitale løysingar som blir brukte i opplæringa, for å lette ressursbruken i kommunane, jf. personvernforordninga artikkel 35 nr. 10. *Oslo kommune* ber om at denne moglegheita blir nytta, i det minste for digitale lærermiddel og verktøy, der gevinstpotensialet er størst.

#### **54.4.5 Heimel for innhenting av opplysningar frå Folkeregisteret**

Det er svært få høringsinstansar som uttalar seg om forslaget til heimel for innhenting av opplysningar frå Folkeregisteret. Dei få som har uttalt seg støttar i all hovudsak forslaget.

### **54.5 Departementets vurdering**

#### **54.5.1 Generelt**

Reglane om behandling av personopplysningar i dagens opplæringslov vart innførte i 2021. Hovudformålet med innføringa var å tilpasse opplæringslova til personvernregelverket (personvernlova og EUs personvernforordning), sjá Prop. 145 L (2020–2021). Der blir ein del generelle spørsmål knytte til personvern i skolen drøfta.

Departementet foreslår å vidareføre dagens reglar om behandling av personopplysningar.

Departementet meiner at lovforslaget samla sett er innanfor dei rammene som personvernforordninga set for nasjonal lovgiving. Departementet meiner vidare at behandling av personopplysnigar i forbindelse med oppgåvane som vert pålagde i lovforslaget kan skje innanfor rammene av Grunnlova, EMK og personvernforordninga.

Departementet er opptatt av personvernet til elevane. Det er avgjerande at personvernet til elevane blir varetatt når kommunar og fylkeskommunar tar i bruk digitale verktøy i undervisninga, administrasjonen og i kommunikasjonen med elevar og foreldre.

Personvernkommisjonen har også gitt mykje merksemd til personvernet til barn og unge i utgreiinga si *Ditt personvern – vårt felles ansvar* (NOU 2022: 11), overlevert i september 2022.

Personvernkommisjonen hadde som mandat mellom anna å kartlegge situasjonen for personvern i Noreg og å trekke fram dei viktigaste utfordringane og utviklingstrekk generelt og på fleire delområde. Personvernkommisjonen vart vidare beden om å kartlegge korleis personvernet til barn og unge blir varetatt i Noreg, irekna vurdere ivaretakinga av personvernet til barn i barnehage- og skolesektorane og bruken av «gratis» applikasjonar i skolane der det blir betalt med barn sine personopplysningar.

Når det gjeld personvernssituasjonen for barn og unge, konkluderer personvernkommisjonen mellom anna med at skolane i stor grad har gjennomført omfattande endringar for å digitalisere skolekvardagen, men at skolane ikkje har hatt kompetanse og ressursar til å sørge for at personvernet blir varetatt. Personvernkommisjonen viser også til at bruk av kommersielle verktøy i skolen i mange tilfelle inneber at det blir samla inn personopplysningar til formål utover å leve tenesta til elevane, som til dømes til marknadsføring. Personvernkommisjonen peikar også på utfordringar knytte til digital læringsanalyse og at bruken av slike tenester kan føre til mogleg diskriminering, skeive resultat og nedkjølingseffektar på oppførselen til elevane. Utgreiinga inneheld ei rekkje forslag til tiltak, mellom anna at det blir utarbeidd ein heilskapleg og offensiv statleg personvernpolitikk i skole- og barnehagesektoren.

Utgreiinga til personvernkommisjonen har vore på høyring med frist 10. februar 2023. Regjeringa vil vurdere korleis utgreiinga og innspela bør følgjast opp.

Nokre av utfordringane personvernkommisjonen peikar på, blir behandla av ei ekspertgruppe nedsett av Kunnskapsdepartementet 10. september 2021 for å vurdere bruken av digital lærings-

analyse i grunnopplæringa, høgare yrkesfagleg utdanning og høgare utdanning. Ekspertgruppa skal gi departementet betre grunnlag for avgjelder om digital læringsanalyse i kunnskapssektoren. Dei skal vurdere pedagogiske, etiske, juridiske og personvernmessige spørsmål ved bruk av digital læringsanalyse og gi råd om behov for utvikling av regelverket og innspel om god praksis. Ekspertgruppa leverte ein delrapport 1. juni 2022, og sluttrapporten skal vere ferdig innan 1. juni 2023.

Kunnskapsdepartementet vil våren 2023 i samarbeid med KS legge fram ein strategi for digital kompetanse og infrastruktur i barnehage og skole for å få til betre heilskapleg samordning og samarbeid mellom offentlege og private aktørar og langtids målretta innsats. Det er mellom anna behov for å styrke kunnskap og kompetanse i bruk av digitale lærermiddel og læringsressursar i skolen. Den digitale praksisen i skolen skal vere kunnskapsbasert, inkluderande og personvernorientert.

#### **54.5.2 Reglane om behandling av personopplysningar**

Departementet foreslår å vidareføre reglane om behandling av personopplysningar i grunnskolen og den vidaregåande opplæringa, med nokre språklege endringar.

Kommunane og fylkeskommunane behandlar mange personopplysningar i samband med at dei tilbyr grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring og oppfyller krav i opplæringslova. Behandlinga er nødvendig for å sikre interessene til dei personopplysningane gjeld. Det rettslege grunnlaget for å behandle personopplysningar følgjer av dei lovfesta oppgåvane som skal utførast. Dei lovfesta oppgåvane gir samtidig rammene for kva opplysningar som kan behandlast, og i kva utstrekning. Kva for personopplysningar kommunen og fylkeskommunen kan behandle, må vurderast konkret ut frå formålet med den enkelte forpliktингa eller oppgåva. Personopplysningar kan behandlast berre så lenge det er nødvendig. Kva som er nødvendig, må igjen sjåast i lys av at rett til utdanning er ein menneskerett, sjå mellom anna Grunnlova § 109, FNs barnekonvensjon artikkel 28 nr. 1, og Den europeiske meneskerettskonvensjon protokoll nr. 1 artikkel 2.

Departementet meiner det er viktig og nødvendig å vidareføre reglane som gir eit tydeleg supplerande rettsgrunnlag for behandling av personopplysningar i grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. På området til opplæringslova er

det særleg viktig med eit tydeleg rettsgrunnlag ettersom dei opplysningane gjeld, som hovudregel er barn og unge.

Til innspelet frå *Datatilsynet* om at lovforslaget i for liten grad speglar av forpliktingane til skolen etter personvernregelverket, viser departementet til at det vil vere ei dobbeltregulering å lovfeste at kommunar og fylkeskommunar skal følgje personvernregelverket. Det følgjer av personopplysningslova § 1 at personvernforordninga gjeld som norsk lov. Å sørge for at kommunar og fylkeskommunar følgjer lover og forskrifter, er ei oppgåve for internkontrollen til kommunane etter kommunelova § 25-1. Departementet viser også til at forslaget til §§ 25-1 allereie inneholder referansar til personvernforordninga artikkel 9 og 10, for å presisere kva type opplysningar som blir tillatne behandla i samband med dei ulike formål som er lista i lovteksten. Departementet meiner at det er tydeleg ut frå desse tilvisingane at det eksisterer eit personvernregelverk utover paragrafen i opplæringslova som kommunane og fylkeskommunane må følgje.

Når det gjeld innspelet frå *Datatilsynet* om at det er behov for fleire lovregler som kan gi behandlingsgrunnlag for bruk av opplysningar samla inn i skolesamanheng til andre formål, mellom anna for kunstig intelligens, vil departementet ved behov komme tilbake til dette på eit seinare tidspunkt. Departementet viser til ekspertgruppa for digital læringsanalyse, sjå omtale i punkt 54.5.1.

Enkelte høringsinstansar har spørsmål til korleis personvernet skal varetakast ved behandling av personopplysningar utanfor kommunen og fylkeskommunen. Departementet meiner det ikkje er behov for å innføre særskilde reglar om dette. Departementet viser til omtalen i Prop. 145 L (2020–2021), pkt. 2.4.5.5, underpunktet *Deling av opplysningar med andre som utfører oppgåver for skoleeigaren* (s. 56–57):

I enkelte tilfelle bruker kommunen og fylkeskommunen andre rettssubjekt til å utføre oppgåver. Det vil derfor kunne vere behov for å dele personopplysningar som oppdragstakaren treng for å utføre oppgåvene sine. Eit eksempel er fylkeskommunens bruk av transportselskap for å ta hand om elevar medrett til skoleskyss. Eit anna eksempel er der kommunen bruker ein privat aktør (for eksempel eit foreldredrive SFO) for å oppfylle plikta til å gi tilbod om skolefritidsordning i samsvar med opplæringslova § 13-7. Den private aktøren vil ha same behov som kommunen sjølv for å behandle person-

opplysningar om det enkelte barnet, foreldra og andre. Skolane vil òg ha behov for å dele personopplysningar om elevane med andre verksemder dersom skolane skal ta i bruk digitale verktøy.

Det følgjer av kommunelova § 5-4 at kommunestyret og fylkestinget kan delegera styresmakt til andre rettssubjekt i saker som gjeld lovpålagde oppgåver, «så langt lovgivningen åpner for det». Dersom det er skoleeigaren som avgjer formålet med behandlinga og kva midlar som skal brukast, vil skoleeigaren vere behandlingsansvarleg.

Det inneber ikkje at skoleeigaren må ta alle avgjerder om tekniske eller organisatoriske forhold, men typisk ta avgjerder om kva for opplysningar som skal behandlast, når opplysningane skal slettast og liknande. Formålet må vere innanfor dei behandlingsgrunnlaga som skoleeigaren har.

Det andre rettssubjektet, ofte ein privat aktør, vil vere databehandlar for skoleeigaren. Personvernforordninga stiller krav til databehandlarforholdet, først og fremst at partane må inngå ein databehandlaravtale. Sjå meir om forholdet mellom behandlingsansvarleg og databehandlar i punkt 2.1.1.4 Reglane om teieplikt i forvaltningslova vil også gjelde for dei som utfører oppdrag for skoleeigaren. Kva for opplysningar ein databehandlar kan behandle, og korleis, må vurderast ut frå behandlingsgrunnlaget skoleeigaren har, og det oppdraget databehandlaren har fått. Dersom ein privat aktør er å rekne som behandlingsansvarleg fordi denne aktøren avgjer formålet med behandlinga og kva midlar som skal brukast, må denne private aktøren ha eit eige behandlingsgrunnlag, for eksempel samtykke.

For leirskolar tilseier reglane at leirskolen normalt vil vere databehandlar for kommunen, som vil vere behandlingsansvarleg.

#### **54.5.3 Den nasjonale databasen for vitnemål og dokumentasjon av kompetanse**

Departementet foreslår å vidareføre reglane om den nasjonale databasen for vitnemål og dokumentasjon av kompetanse. Reglane vart tekne inn i opplæringslova i 2021 med bakgrunn i Prop. 145 L (2020–2021) og har til hensikt å gi eit tydelegare supplerande rettsgrunnlag for behandling av personopplysningar. Departementet viser til at forslaget om å vidareføre reglane har fått brei støtte av høringsinstansane som har uttalt seg.

Departementet foreslår å ikke vidareføre reguleringa av kven som er behandlingsansvarlig for databasen og korleis opplysingane i databasen kan brukast som grunnlag for analyse, statistikk og forskning. Departementet meiner at det er meir tenleg å regulere desse spørsmåla i forskrift, og foreslår derfor ein noko utvida forskriftsheimel.

Det er gjort enkelte språklege endringar som ikkje er meint å endre rettstilstanden.

Forslaget frå høyringsinstansane om digitale vitnemål vil departementet vurdere å kome tilbake til i arbeidet med forskrifter til lova. Lova set i dag ikkje krav til utforminga av vitnemål. Når det gjeld deling av vitnemål til utlandet så opnar forslaget til § 25-2 fjerde ledd også for slik deling.

#### **54.5.4 Personvernkonvensutgreiingane kommunane gjer**

Til *Oslo kommune* og KS sitt forslag om at det bør givast i oppdrag til nasjonalt styringsnivå å gjennomføre generelle vurderingar av personvernkonsekvensar, meiner departementet at forslaget ikkje verkar å vere praktisk mogleg å gjennomføre med dagens regelverk for behandling av personopplysningar.

Personvernforordninga artikkel 35 nr. 10 gir unntak frå å gjennomføre ei personvernkonvensvurdering etter artikkel 35 nr. 1 til 7 dersom ei rekke vilkår er oppfylte:

10. Dersom behandling i henhold til artikkel 6 nr. 1 bokstav c) eller e) har et rettslig grunnlag i unionsretten eller retten i medlemsstaten som den behandlingsansvarlige er underlagt, og nevnte rett regulerer den eller de aktuelle spesifikke behandlingsaktivitetene, og det alle rede er utført en vurdering av personvernkonsekvenser som en del av en generell konvensvurdering i forbindelse med vedtakelse av nevnte rettslige grunnlag, får nr. 1-7 ikke anvendelse, med mindre medlemsstatene anser det nødvendig å utføre en slik vurdering før behandlingsaktivitetene.

Slik departementet ser det, føreset unntak frå å gjennomføre vurdering i samsvar med art. 35 nr. 10 at bruken av dei konkrete læreremidla er spesi fikt regulert i lov eller forskrift, der det i tillegg

har vorte utført ei vurdering av personvernkonsekvensar som del av ei generell konvensvurdering i samband med vedtakkinga av reglane. Departementet ser det slik at det ikkje aktuelt å regulere kvart enkelt digitale læreremiddel i forskriftform. Kommunane og fylkeskommunane som behandlingsansvarlege kan derfor ikke fritakast frå plikta til å utarbeide konvensvurderingar i samsvar med personvernforordninga.

Kommunane har etter personvernregelverket behandlingsansvaret, og har etter dette også ansvaret for å gjennomføre dei nødvendige personvernkonvensvurderingane. Departementet har forståing for at det er ressurskrevjande for kommunane å utarbeide konvensvurderingar i samband med dei ulike digitale læreremidla, men departementet meiner at det er viktig at kommunane har god oversikt over dei moglege personvernkonsekvensane som dei ulike læreremidla medfører for elevane. Endringar i ansvaret her vil vidare kunne ha konsekvensar for kommunane sitt ansvar for val av læreremiddel og læringsressur sar i skolen m.v. Det er vidare høve for kommunane å samarbeide om slike vurderingar.

#### **54.5.5 Heimel for innhenting av opplysningar frå Folkeregisteret**

Departementet meiner at offentlege styresmak ter framleis skal kunne innhente opplysningar frå Folkeregisteret utan hinder av teieplikta når det er nødvendig for å utføre oppgåver etter den nye lova. Det bør framleis gå klart fram av regelverket kva opplysningar som kan innhentast frå Folkeregisteret. Departementet meiner dei nærmere reglane bør komme fram i forskrift, og foreslår derfor å vidareføre både heimelen til å innhente opplysningar og forskriftsheimelen.

### **54.6 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å vidareføre reglane om behandling av personopplysningar, sjå forslaga til §§ 25-1
- å vidareføre reglane om den nasjonale databasen for vitnemål og annan dokumentasjon av kompetanse, sjå forslag til § 25-2
- å vidareføre heimelen for innhenting av opplysningar frå Folkeregisteret, sjå forslag til § 25-3

## 55 Kravet om å sørge for ulykkesforsikring

### 55.1 Innleiing

Dette punktet handlar om kravet til å sørge for ulykkesforsikring for elevar i skole, dei som har lærerid i bedrift, og vaksne deltarar, kven reglane skal gjelde for, og når og kvar forsikringa skal gjelde. Forholdet til yrkesskadeforsikringslova er også omtalte.

### 55.2 Dagens reglar

#### 55.2.1 Opplæringslova

Det følgjer av opplæringslova § 13-3b at kommunane og fylkeskommunane skal sørge for ulykkesforsikring for elevane. Forskrift til opplæringslova kapittel 8 inneheld utfyllande reglar. Forskrifta § 8-1 gjentek kravet i lova om å ulykkesforsikre elevane. Etter forskrifta § 8-1 pliktar kommunane og fylkeskommunane også å ulykkesforsikre dei som har lærerid i bedrift, det vil seie lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar, men ikkje dei som deltek i opplæring særleg organisert for vaksne etter opplæringslova kapittel 4 A.

Ulykkesforsikringa skal vere teikna i eit forsikringsselskap, jf. forskrifta § 8-2. Dette betyr at alle ulykkestilfelle skal handterast innanfor eksisterande regelverk om forsikring.

Det følgjer av forskrifta § 8-3 at ved ulykkeskade skal forsikringa gi dekning for nødvendige utgifter til behandling og erstatning ved død eller varig medisinsk invaliditet, i den grad slike yttingar ikkje er dekte etter folketrygdlova eller yrkesskadeforsikringslova.

Ulykkesforsikringa skal gjelde for alle aktivitetar som skolen er ansvarleg for, og andre arrangement som er i regien til skolen, jf. forskrifta § 8-4. Forsikringa skal gjelde sjølv om det er frivillig å delta i aktivitetene eller på arrangementet, til dømes at skolen har opna for val mellom ulike aktivitetar eller det er sosiale arrangement på kveldstid. Forsikringa skal også dekkje ulykkeskade som oppstår på vegen mellom heimen og opplæringsstaden. Departementet legg til grunn at forsikringa også gjeld når elevar får opp-

læring på ein alternativ opplæringsarena utanfor skolen.

Forskrifta § 8-5 regulerer erstatning ved død eller ved varig medisinsk invaliditet. Forskrifta § 8-6 regulerer tilbakebetaling av utgifter til behandling. Forskrifta § 8-7 gir opp avgrensingar i forsikringsdekninga. Forsikringa kan gjere unntak for ulykkeskade som har årsaka si i forgifting ved mat, drikke eller nyttingsmiddel, infeksjon eller stikk/bite av insekt, psykiske skadar som sjokkliding, depresjon, angst og liknande, med mindre det til same tid er oppstått lekamsskade som gir livsvarig medisinsk invaliditet.

Utdanningsdirektoratet har utarbeidd eit rundskriv om ulykkesforsikring, sjå Udir-7-2008.

#### 55.2.2 Anna regelverk

Lov 16. juni 1989 nr. 65 om yrkesskadeforsikring (yrkesskadeforsikringsloven) gjeld «personskade påført arbeidstakere hos arbeidsgivere», jf. § 1. Ifølgje yrkesskadeforsikringslova § 3, jf. § 2, pliktar arbeidsgivarar å teikne forsikring for alle som gjer arbeid eller utfører verv i tenesta til arbeidsgivaren.

Justis- og beredskapsdepartementets lovavdeling har tidlegare vurdert om elever som er utplasserte i arbeidslivet, vil vere dekte av yrkesskadeforsikringslovas arbeidstakarbegrep i ei fråsegn frå 1990, jf. JDLOV-1990-3149. Fråsegna gir ikkje ein eintydig avklaring av spørsmålet om kven som har forsikringsansvaret for ein elev som får opplæring i ei bedrift. I ei anna fråsegn frå 2001, jf. JDLOV-2001-11203, uttaler Lovavdelingen at det avgjerande ikkje er om elevane får betaling for å vere omfatta av lova, men om skaderisikoene deira er tilnærma lik risikoene til andre i same yrke eller lærlingar i same yrke.

### 55.3 Høyringsforslaget

Departementet foreslo

- å vidareføre reglane om ulykkesforsikring av elevar

- å konkretisere i lova ansvaret for ulykkesforsikring for dei som har læretid i bedrift
- å utvide plikta til å omfatte personar som deltek i førebuande opplæring for vaksne og vidaregåande opplæring for vaksne

Departementet følgde med dette høyringsforslaget opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 43, men slik at det i høyringa i tillegg vart foreslått å inkludere vaksne som får opplæring etter dagens opplæringslov kapittel 4A, i persongruppa som skal forsikrast.

## 55.4 Høyringsinstansanes syn

13 høyringsinstansar har uttalt seg om høyringsforslaget. Forslaget får i all hovudsak støtte av høyringsinstansane, mellom anna *Vestfold og Telemark fylkeskommune*, *Bergen kommune*, *Lunner kommune*, *Nittedal kommune*, *Time kommune*, *Norsk leirskoleforeining* og *Utdanningsforbundet*. Fleire høyringsinstansar trekkjer fram at det er positivt at lærlingar blir omfatta av ulykkesforsikring på lik linje med elevar, mellom anna *Viken fylkeskommune* og *Byggnæringens Landsforening*, *Entreprenørforeningen – Bygg og Anlegg*. *Foreldreutvalet for grunnopplæringa* trekkjer fram at utvidinga av regelen til også å gjelde «vaksne deltakrar» er bra, men er skeptisk til at plikta kommunen og fylkeskommunen har til å sørge for ulykkesforsikring, ikkje også omfattar deltakarar i SFO og leksehjelp.

*Viken fylkeskommune* påpekar at forslaget om krav til ulykkesforsikring for vaksne medfører auka utgifter til forsikring og auka administrasjon. *Oslo kommune* meiner også at forslaget har økonomiske og administrative konsekvensar.

*Oslo kommune* støttar forslaget om at ulykkesforsikringa også skal gjelde deltakarar i vaksenopplæringa, men meiner ho bør avgrensast slik at ho berre omfattar tida deltakaren er i opplæring eller andre aktivitetar i regi av skolen. Kommunen meiner at vaksne må kunne ta ansvar for seg sjølv når dei er på veg til og frå opplæring, og at det offentlege ikkje bør finansiere ei forsikringsordning på dette området. Kommunen stiller også spørsmål til om det bør presiserast eller gjerast tydeleg om forsikringa også skal gjelde når elevar får digital undervisning i regi av skolen, men i eigen heim / på privat stad.

*Troms og Finnmark fylkeskommune* meiner at det er positivt at vaksne deltakarar i opplæring organisert for vaksne også skal omfattast av ulykkesforsikring. Fylkeskommunen ønskjer at elevar

ute i praksis i yrkesfagleg fordjuping (YFF) også skal vere dekte av ulykkesforsikringa. *Troms og Finnmark fylkeskommune* stiller også spørsmål til om elevar ved statlege skolar vere ulykkesforsikra, eller om dei er omfatta av sjølvassuranseordninga på skolen sin.

## 55.5 Departementets vurdering

### 55.5.1 Krav om ulykkesforsikring for elevar

Departementet foreslår å vidareføre plikta til kommunen og fylkeskommunen til å teikne ulykkesforsikring for elevar og at utfyllande reglar kan givast i forskrift. Departementet viser til at forslaget om vidareføring har fått brei tilslutning av høyringsinstansane som uttaler seg. Kravet om ulykkesforsikring sikrar at den enkelte som er i opplæring, ikkje sjølv ber risikoen for ulykker som oppstår i opplæringsituasjonar eller under andre tiltak og aktivitetar som skjer i regien til skolane.

Plikta kan i utgangspunktet oppfyllast gjennom privat forsikring eller gjennom sjølvassuransseordning. Gjennom forskriftsheimelen vil det, som i dag, vere tilgang til å stille nærmare krav til korleis plikta kan oppfyllast. Departementet viser til at gjeldande forskriftsregulering ikkje opnar for at kommunar eller fylkeskommunar kan oppfylle plikta si til å sørge for ulykkesforsikring gjennom sjølvassuransseordning.

Enkelte høyringsinstansar har gitt innspel om kven som bør dekkjast av ulykkesforsikringa. Elevar i praksis i yrkesfagleg fordjuping (YFF) vil vere dekte av ulykkesforsikringa i kraft av å vere elevar. Kommunane og fylkeskommunane er etter dagens opplæringslov ikkje pålagde ei plikt til å ulykkesforsikre elevar medan dei er i skolefritidsordninga (SFO), kulturskolen eller får leksehjelp i regi av skolen, og vil heller ikkje ha det etter lovforslaget. Departementet er kjent med at Utdanningsdirektoratet i rundskrivet Udir-7-2008 har lagt til grunn at elever i samsvar med forskrift til gjeldande opplæringslov § 8-4 første ledd bokstav a, som fastslår at ulykkesforsikringa skal gi eleven dekning for ulykkesskade som har hendt «på opplæringsstaden i opplæringsstida», også omfattar SFO og leksehjelp. Etter departementets syn pålegg ikkje dagens lov plikt til å ha ulykkesforsikring ved SFO eller leksehjelp, og det kan då heller ikkje påleggjast i forskrift. Det er ikkje aktuelt å foresla ei utviding til SFO, kulturskolen eller leksehjelptilbodet, då eit slik forslag ikkje har vore høyrt og vil ha økonomiske konsekvensar som må greia ut. Departementet foreslår å presisere i lovteksten til forslaget § 28-8 at det ikkje følger ei

plikt til å sørge for ulykkesforsikring for elever medan dei får leksehjelp, er i skolefritidsordning eller er på kulturskolen. Departementet understrekar at sjølv om det ikkje er ei lovpålagnad plikt å sørge for ulykkesforsikring i dei nemnde tilfella, er dette minimumskrav. Kommunane står fritt til å sørge for ulykkesforsikring i desse situasjonane på eige initiativ. I praksis vil mange ulykkesforsikringar dekkje SFO, leksehjelp og kulturskole.

Fylkeskommunar har ikkje plikt til å sørge for forsikring for elevar som går på vidaregåande skolar som er drivne av staten. Det vil vere eit statleg ansvar å forsikre denne elevgruppa, sjá merknadane til forslaget til § 28-6 tredje ledd. Det kan regulerast i forskrift om det statlege ansvaret kan oppfyllast gjennom sjølvassuranse.

*Oslo kommune* stiller spørsmål til om det bør presiserast eller gjerast tydeleg om forsikringa også skal gjelde når elevar får digital undervisning i regi av skolen, men i eigen heim / på privat stad. Departementet meiner at slike presiseringar ikkje bør regulerast i lova, men overlatast til forskrifa. Departementet viser til at Utdanningsdirektoratet har lagt til grunn at etter dagens forskrift skal ulykkesforsikringa dekkje ulykker som oppstår under opplæring som skolen gir i heimen på grunn av at eleven har ein sjukdom. Slik departementet ser det, må tilsvarande gjelde for liknande situasjonar, som då elevar hadde heimeundervisning under koronapandemien. Departementet tar sikte på ei tilsvarande regulering i forskrift til ny opplæringslov.

Kommunane har ikkje plikt til å ulykkesforsikre dei som får privat opplæring i heimen.

### 55.5.2 Krav om ulykkesforsikring for dei som har læretid i bedrift

Departementet foreslår å lovfeste at fylkeskommunen skal sørge for ulykkesforsikring for dei som har læretid i bedrift, der yrkesskadeforsikring ikkje er dekkjande.

Dei som har teikna kontrakt om opplæring og læretid i bedrift, vil vere arbeidstakarar i bedrifta og gjennom dette vere omfatta av yrkesskadeforsikningslova. Yrkesskadeforsikningslova vil dekkje dei som har læretid i bedrift, i alle tilfelle som forskrift til opplæringslova omhandlar, med unntak av dekning for ulykkeskade som har hendt på vegen mellom heim og arbeidsplass. Departementet støttar vurderinga frå opplæringslovutvalet om at forholdet mellom lærebodrifta og dei som har læretid i bedrift, som utgangspunkt bør regulerast av reglane i arbeidslivet. Det bør

komme klart fram at det er yrkesskadeforsikningslova som gjeld for dei som har læretid i bedrift. Samtidig er det ikkje nokon rimeleg grunn til at elevar skal vere ulykkesforsikra på vegen mellom heim og opplæringsstad, medan dei som har læretid i bedrift, ikkje er det. Det bør derfor, som opplæringslovutvalet foreslår, blir konkretisert i lova at fylkeskommunen skal sørge for ulykkesforsikring for dei som har læretid i bedrift, der yrkesskadeforsikringa ikkje er dekkjande.

### 55.5.3 Forholdet til yrkesskadeforsikningslova for andre grupper enn dei som har læretid i bedrift

Dei som har læretid i bedrift, har inngått arbeidsavtale med lærebodrifta, og det er ikkje tvil om at dei blir omfatta av arbeidstakaromgrepa i yrkesskadeforsikningslova. Det kan likevel vere tvil om elevar som ikkje har eit ordinært tilsettjingsforhold med ei bedrift, blir dekte av yrkesskadeforsikningslova. Departementet viser til denne i drøftingane frå opplæringslovutvalet om dette i NOU 2019: 23, i pkt. 43.4.3 under «Ulykkesforsikring for elever i bedrift» (s. 565–566):

Læringer har inngått arbeidsavtale med lærebodriften, og det er ikke tvil om at læringer omfattes av yrkesskadeforsikningslovens arbeidstakerbegrep. Det kan imidlertid være tvil om elever som ikke har et ordinært ansettelsesforhold med en bedrift, dekkes av yrkesskadeforsikningsloven. Lovavdelingen har tidligere vurdert om elever som er utplassert i arbeidslivet, vil være dekket av yrkesskadeforsikningslovens arbeidstakerbegrep. Uttales fra 1990 gir imidlertid ikke en entydig avklaring på spørsmålet om hvem som har forsikringsansvaret for en elev som får opplæring i en bedrift.

Ifølge dagens læreplanverk skal alle elever på yrkesfaglige utdanningsprogrammer i vide-regående opplæring ha faget yrkesfaglig for-dypning (YFF), hvor hovedregelen er at hele eller deler av opplæringen skal gis i bedrift. Organiseringen av den praktiske opplæringen i YFF varierer. Enkelte får for eksempel opplæring i bedrift én dag i uken over en lengre periode, mens andre får opplæringen mer konsentrert over en kortere periode. Noen elever får den praktiske opplæringen i samme bedrift, mens andre får opplæring i flere ulike bedrifter. I hvilken grad eleven kan sies å først og fremst «gjøre arbeid eller utføre verv» for bedriften,

eller om eleven må sies å først og fremst være elev som får opplæring, vil variere.

Etter utvalgets vurdering vil det kunne tenkes mange tilfeller hvor det er vanskelig å fastslå hvem som har forsikringsansvaret for en elev som får opplæring i en bedrift. En klargjøring vil være sentral for sikkerheten til den enkelte elev. I realiteten vil en klargjøring forutsette klargjøring av yrkesskadeforsikringslovens arbeidstakerbegrep. Dette ligger utenfor utvalgets mandat å foreslå. Utvalgets vurdering er at endringer i opplæringsloven ikke vil være riktig virkemiddel for å løse problemet.

Utvalget vil derimot oppfordre Justis- og beredskapsdepartementet og Kunnskapsdepartementet til å klargjøre rettstilstanden.

Ulykkesforsikringa frå kommunane og fylkeskommunane skal alltid omfatte elevar eller vaksne deltakarar der dei deltar i praktisk yrkesopplæring i arbeidslivet og det er organisert av skolen, der det ikkje er teikna kontrakt om opplæring og læretid i bedrift. Departementet foreslår også at fylkeskommunen skal sørge for ulykkesforsikring for dei som har læretid i bedrift, der yrkesskadeforsikringa ikkje er dekkjande. Elevar og vaksne deltakarar vil derfor uansett vere omfatta av ulykkesforsikringa uavhengig av om dei blir rekna som arbeidstakarar eller ikkje. Dette inneber at alle grupper vil vere omfatta av ei forsikringsordning, og at ingen fell mellom ordningane.

Ulykkesforsikringa skal framleis vere sekundær i forhold til dei dekningsmoglegheitene som blir tilbydde gjennom folketrygdlova og yrkesskadeforsikringslova.

Forslaget til regel ovanfor vil likevel sikre at den uvissa som herskar om avgrensinga til arbeidstakaromgrepet, ikkje svekkjer dekninga til dei ulike gruppene i skolegang.

#### **55.5.4 Vaksne som får opplæring etter kapittel 4 A**

Plikten til å sørge for ulykkesforsikring omfattar i dag ikkje vaksne som får opplæring etter opplæringslova kapittel 4 A om opplæring spesielt orga-

nisert for vaksne. Bakgrunnen for dagens unntak er at vaksne elevar har eit større ansvar for seg sjølv enn dei yngre, og dei har derfor ikkje vorte rekna for å ha det same behovet for offentleg finansiert forsikring. Vaksne som blir tekne inn til ordinær vidaregåande opplæring etter dagens opplæringslov kapittel 3, blir likevel omfatta av plikta til ulykkesforsikring fordi dei då har elevstatus. Departementet ser ingen grunn til å gjere forskjell mellom ulike grupper av vaksne når det gjeld ulykkesforsikring. Det er ikkje rimeleg at korleis tilbodet blir organisert lokalt, er avgjørande for om nokre vaksne sjølv må bere risikoen for ulykker som oppstår i opplæringa eller under andre tiltak og aktivitetar som skjer i regi av skolen.

Departementet foreslår derfor å utvide plikta til å sørge for ulykkesforsikring til også å omfatte personar som deltek i førebuande opplæring for vaksne og vidaregåande opplæring for vaksne. Denne gruppa vil då vere dekt på lik linje med elevar. Det betyr mellom anna at dei som deltek i førebuande opplæring for vaksne og vidaregåande opplæring for vaksne, er dekte av ulykkesforsikringa frå kommunane eller fylkeskommunane på vegen mellom heim og opplæringsstad.

#### **55.6 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å vidareføre reglane om ulykkesforsikring av elevar, sjå forslaget til § 28-8 første ledd første punktum og tredje ledd
- å utvide plikta til å omfatte personar som deltek i førebuande opplæring for vaksne og vidaregåande opplæring for vaksne, sjå forslaget til § 28-8 første ledd første punktum
- å konkretisere ansvaret for ulykkesforsikring for dei som har læretid i bedrift, sjå forslaget til § 28-8 første ledd andre punktum
- å presisere at plikta til å sørge for ulykkesforsikring ikkje gjeld leksehjelpordninga, skolefritidsordninga, eller kulturskolen, sjå forslaget til § 28-8 andre ledd

## 56 Internkontroll og kvalitetsutvikling

### 56.1 Innleiing

Dette punktet handlar om internkontroll, arbeid med kvalitetsutvikling og reglar om skolefagleg kompetanse i administrasjonen i kommunen og fylkeskommunen.

### 56.2 Dagens reglar

#### 56.2.1 Plikt til å ha internkontroll

Kommunar og fylkeskommunar skal ha internkontroll med administrasjonsverksemda for å sikre at lover og forskrifter blir følgde, jf. kommunelova § 25-1. Internkontrollplikta omfattar oppgåvene som blir utførte av administrasjonen frå kommunane og fylkeskommunane sentralt, pedagogisk-psykologisk teneste og alle kommunale og fylkeskommunale verksemder som gir opplæring og andre tenester etter opplæringslova og forskriftena til lova.

Målet med internkontrollen er at brot på regelverket blir førebygde, blir avdekte og blir følgde opp. Internkontrollen skal vere systematisk, bli gjort på bakgrunn av risikovurderingar og tilpassast storleiken, eigenarten og aktivitetane for verksemda. Kommunelova § 25-1 stiller nærmere krav til kva aktivitetar som skal inngå i internkontrollen.

Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret og fylkestinget om internkontroll og om resultat frå statleg tilsyn minst éin gong i året, jf. kommunelova § 25-2.

#### 56.2.2 Plikt til å arbeide med kvalitetsutvikling

Kommunen og fylkeskommunen skal ha «eit forsvarleg system for å følgja opp resultata frå nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-4», jf. opplæringslova § 13-3 e første ledd første punktum.

Som ein del av oppfølgingsansvaret skal kommunen og fylkeskommunen utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, jf. § 13-3 e første

ledd andre punktum. Rapporten skal handle om læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Det er vidare eit krav at rapporten skal drøftast av kommunestyret og fylkestinget.

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at skolane jamleg vurderer i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa bidreg til å nå måla i læreplanverket, jf. § 13-3 e andre ledd. Dette vart tidlegare kalla skolebasert vurdering. Kommunen og fylkeskommunen pliktar å involvere elevane i vurderinga.

#### 56.2.3 Krav om å ha skolefagleg kompetanse

Kommunane «skal ha skolefagleg kompetanse i kommuneadministrasjonen over skolenivået», jf. opplæringslova § 13-1 fjerde ledd. Kravet omfattar både kunnskap om pedagogikk og kunnskap om regelverket for skolen. Det er ikkje lagt føringar for korleis den enkelte kommunen konkret skal sikre oppfylling av kravet. Det blir ikkje stilt krav om konkret utdanning eller ein bestemt stilingskategori eller -omfang.

#### 56.2.4 Regelen om å påleggje fylkeskommunane å gi rettleiing og drive kvalitetsutvikling

Det følgjer av opplæringslova § 13-3 c at fylkeskommunane etter oppdrag frå departementet skal «rettleia om og medverke til kvalitetsutviklingstiltak som m.a. kan gi god samanheng mellom grunnskole og vidaregåande opplæring». Departementet kan gi nærmere forskrifter om desse oppgåvene.

Paragrafen vart innført som ei oppfølging av St.meld. nr. 12 (2006–2007) *Regionale fortrinn – regional framtid*. I meldinga vart det foreslått å overføre ulike oppgåver i nasjonalt kvalitetsvurderingssystem til fylkeskommunane. For å kunne påleggje fylkeskommunane nye oppgåver var det behov for heimel i lov. Verken ordlyden eller forarbeida beskriv konkret kva slags oppgåver som kan påleggjast fylkeskommunane etter paragrafen. Paragrafen tok til å gjelde i 2010. Det er ikkje fastsett forskrifter med heimel i § 13-3 c.

### 56.3 Høringsforslaget

Departementet foreslo

- å erstatte dagens krav om å følgje opp resultat frå nasjonale kvalitetsvurderingar med eit krav om kvalitetsutvikling
- å erstatte dagens krav om å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i skolen med eit generelt krav om at kommunestyret og fylkestinget minst éin gong i året skal få informasjon om tilstanden i skolen når det gjeld læringsmiljøet, læringsresultata og fråfallet i opplæringa. Det blir ikkje stilt krav om at rapporteringa blir behandla i kommunestyret og fylkestinget.
- å vidareføre kravet om at kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at skolane jamleg vurderer kvaliteten på den enkelte skolen
- å vidareføre dagens reglar med krav om at kommunen skal ha skolefagleg kompetanse i administrasjonen
- å innføre krav om at også fylkeskommunen skal ha skolefagleg kompetanse i administrasjonen
- å ikkje vidareføre regelen om å påleggje fylkeskommunane å gi rettleiing og drive kvalitetsutvikling

Med dette høringsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 43.10 og kapittel 49.

### 56.4 Høringsinstansane syn

Om lag 15 høringsinstansar har uttalt seg om forslaget om å erstatte dagens krav om å følgje opp resultat frå nasjonale kvalitetsvurderingar med eit krav om kvalitetsutvikling. Forslaget blir støtta heilt eller delvis av alle instansane.

Vidare er det om lag 15 høringsinstansar som har uttalt seg om forslaget om å erstatte dagens krav om å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i skolen med eit generelt krav om at kommunestyret og fylkestinget minst éin gong i året skal få informasjon om tilstanden i skolen når det gjeld læringsmiljøet, læringsresultata og fråfallet i opplæringa. Dei fleste høringsinstansane har ikkje merknader til forslaget. *KS, Viken fylkeskommune* og fleire kommunar støttar forslaget.

*Utdanningsforbundet, Elevorganisasjonen* og *Statsforvaltaren i Innlandet* meiner det er nødvendig å vidareføre kravet om å utarbeide ein tilstandsrapport. *Utdanningsforbundet* meiner at det også må stillast tydelege krav til både medråderett

og involvering i utarbeidinga av den årlege rapporten.

*Utdanningsforbundet, Barneombodet, Elevorganisasjonen, Statsforvaltaren i Innlandet* og *Statsforvaltaren i Rogaland* er mot forslaget om å ikkje vidareføre kravet om at rapporten skal drøftast av kommunestyret og fylkestinget. Dei meiner at dette kan svekkje oppfølginga til kommunestyret og fylkestinget av kvalitetten i opplæringa. *Bergen kommune* meiner også at drift og oppfølging av skolane bør drøftast av demokratisk valde styringsorgan. Kommunen viser til at det også er viktig å sikre at opposisjonen, som del av den parlamentariske kontrollen, får høve til å spele inn synspunkta sine om situasjonen i opplæringa. *Bergen kommune* meiner at dette best blir sikra gjennom ei behandling av saker i kommunestyret og ikkje i politiske utval under kommunestyret. Kommunen viser til at på denne måten vil også politiske synspunkt som ikkje er representerte i utvallet, bli høyrde med merknadene sine om tilstandsrapporten til skolane.

*Utdanningsdirektoratet* set spørjeteikn ved om forslaget om å vidareføre kravet om at kvar skole skal vurdere kvalitet, er overflødig med tanke på internkontrollplikta i kommunelova.

*Utdanningsforbundet* og *Norsk Lektorlag* ønsker å lovfeste at personalet skal medverke i utarbeidinga og behandlinga av arbeidet med kvalitetsutvikling. *Utdanningsforbundet* meiner at arbeidet på skolane med kvalitetsvurdering blir svekt mykje dersom departementet ikkje som ein del av paragrafen om kvalitetsutvikling tydeleg gir uttrykk for at personalet på skolen skal involverast. *Utdanningsforbundet* viser til viktigeita av samspelet mellom den fagleg-pedagogiske praksisen som blir utvikla på skolen, og arbeidet i kommunen for kvalitet i opplæringa. *Utdanningsforbundet* meiner det er stor forskjell på å regulere korleis personalet skal involverast, og om personalet skal involverast. *Utdanningsforbundet* skriv vidare

Ekspertgruppen for skolebidrag sine to rapporter, sammen med lærerrollerapporten og opplæringslovutvalgets utredning, viser tydelig at utviklingen «innenfra» må styrkes. Det vil si at det er lærerne som driver utviklingsarbeidet i nært samarbeid med elevene og hvor ledelsen er tett på prosessene. Medbestemelse og god dialog er avgjørende forutsetninger for utvikling på alle nivå.

*Norsk Lektorlag* meiner også at forslaget ikkje legg til rette for «profesjonalisering innenfra».

Om lag 20 høyringsinstansar har uttalt seg om forslaget om å vidareføre dagens krav om at kommunen skal ha skolefagleg kompetanse i administrasjonen, og forslaget om å innføre krav om at også fylkeskommunen skal ha skolefagleg kompetanse i administrasjonen. Fleirtalet, *Barneombodet*, *Utdanningsforbundet*, *Norsk Lektorlag*, *Skolenes landsforbund* og ein del statsforvaltarar, fylkeskommunar og kommunar, støttar forslaget. *Utdanningsforbundet* viser til Ekspertgruppen for skolebidrag sin sluttrapport «*En skole for vår tid*», som framhevar kor viktig den skolefaglege kompetansen i kommuneadministrasjonen er for utvikling av skolen. *Utdanningsforbundet* meiner at ei av dei store utfordringane i arbeidet med å betre kvaliteten i skolen er at skolefagleg kompetanse i kommuneadministrasjonen har vorte bygd ned som ein konsekvens av svake krav i lov- og regelverk. *Utdanningsforbundet* skriv vidare

Mangefull skolefaglig kompetanse i kommunedeladministrasjonen har negativ påvirkning på systematisk utviklingsarbeid, koordinering, partssamarbeid, kvalitetsvurdering, kompetanseutvikling og regelverksetterlevelse i skolen. *Utdanningsforbundet* viser i denne sammenheng til forskningen på skoleeierskap, som er omtalt i Meld. St. 21 (2016–2017) Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen, kapittel 4. Forskningen viser at kommuner som lykkes og får gode resultater, jobber på en måte som staten ikke kan regulere seg fram til. Statlige myndigheter kan legge til rette, men arbeidet må skje lokalt. Kommuner som lykkes, kjenner tegnes av en aktiv dialog fra klasserom til kommunestyre. De kjennetegnes av politiske myndigheter med engasjement og ambisjoner for utvikling av skolen. De kjennetegnes også av en aktiv skoleadministrasjon som er et koordinerende ledd med innsikt og kompetanse. Kommuner som lykkes, bidrar til skoleledernes og lærernes profesjonsutvikling gjennom å delegera ansvar og sikre at alle kjenner sine ansvarsområder.

*Akademikerne*, *Norsk Lektorlag* og *Skolenes landsforbund* meiner det bør konkretiserast nærmare kva som ligg i skolefagleg kompetanse. *Akademikerne* og *Norsk Lektorlag* meiner at det også må stillast krav om erfaring frå skolen, ikkje berre «kunnskap om pedagogikk og kunnskap om regelverket for skolene».

*Norsk Lektorlag* meiner det må presiserast at skolefagleg tilsette i administrasjonen ikkje samtidig kan vere rektor. *Norsk Lektorlag* viser til at det

er viktig at ein rektor dagleg er fysisk og mentalt til stades på skolen sin, er ein del av både elevmiljøet og blant dei tilsette, for på den måten å ha inngående og detaljert kjennskap til alle aspekt av korleis skolen fungerer.

Nokre høyringsinstansar, mellom anna *KS*, støttar ikkje forslaget. *KS* set spørjeteikn ved om det er nødvendig å lovregulere dette. *KS* viser til at alle fylkeskommunane i dag har skolefagleg kompetanse over skolenivå fordi dei ser behovet for dette, utan at dette er lovregulert i gjeldande lov.

Ingen høyringsinstansar har uttalt seg om forslaget om å ikkje vidareføre regelen om å påleggje fylkeskommunane å gi rettleiing og drive kvalitetsutvikling.

## 56.5 Departementets vurdering

### 56.5.1 Ikkje eigne reglar om internkontroll i opplæringslova

Departementet foreslår ikkje eigne reglar om internkontroll i opplæringslova. Etter kommunelova § 25-1 skal kommunar og fylkeskommunar ha internkontroll med administrasjonsverksemda for å sikre at dei følgjer lovene og forskriftene. Formålet med å regulere dette i kommunelova er å ha felles reglar om internkonkontroll for kommunane og fylkeskommunane på tvers av dei ulike sektorområda.

Internkontrollregelen i kommunelova omfattar oppgåvene som blir utførte av administrasjonen til kommunen og fylkeskommunen sentralt, pedagogisk-psykologisk teneste og alle kommunale og fylkeskommunale verksemder som gir opplæring eller andre tenester etter opplæringslova og forskriftene til lova. Ingen av høyringsinstansane er mot forslaget om at krava til internkontroll framleis skal følgje av kommunelova. Departementet ser derfor ikkje behov for å ha særreglar om internkontroll i opplæringslova.

### 56.5.2 Eit generelt krav om kvalitetsutvikling

Departementet foreslår å lovfeste eit generelt krav om at kommunen og fylkeskommunen skal arbeide for å halde ved lag og heve kvaliteten i grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa. Lokal kvalitetsutvikling er eit viktig verktøy for å nå måla med grunnopplæringa, og det kan ha mykje å seie for mange barn og unge.

I dag kjem det ikkje fram eksplisitt av opplæringslova at kommunane og fylkeskommunane skal arbeide for å halde ved lag og heve kvaliteten

i opplæringa. Det er i staden lovfesta meir detaljerte krav som føreset at kommunane og fylkeskommunane skal drive kvalitetsutvikling.

Departementet foreslår å ikkje vidareføre kravet om å følgje opp resultat frå nasjonale kvalitetsvurderingar som nasjonale prøvar osv., sjå § 13-3 e i dagens opplæringslov. Kommunar og fylkeskommunar vil framleis vere pålagde å gjennomføre nasjonale kvalitetsvurderingar, og det er liten risiko for at dei ikkje vil bruke resultata frå desse i arbeidet med kvalitetsutvikling. Å ikkje lovfeste kva kunnskapsgrunnlag kvalitetsutviklinga skal baserast på, vil gjere ansvaret til kommunane og fylkeskommunane tydelegare og gi eit større handlingsrom for lokal tilpassing. Dette vil også harmonere betre med retningslinjene for statleg styring av kommunar og fylkeskommunar. Forslaget har fått støtte i høyringa og er dessutan i tråd med tillitsreforma til regjeringa.

#### **56.5.3 Krav om informasjon om tilstanden i skolen**

Departementet foreslår å vidareføre at kommunestyret og fylkestinget skal få informasjon om tilstanden i skolane når det gjeld læringsmiljø, læringsresultat og fråfall, og at dette skal skje minst éin gong i året. Formålet er å sikre at det politiske nivået i kommunen og fylkeskommunen får den informasjonen som trengst for å drive kvalitetsutvikling. Forslaget har fått støtte i høyringa. Fordi det ikkje finst nokon definisjon av fråfall i grunnskolen og fordi det blir foreslått å utvide retten til vidaregående opplæring, foreslår departementet å endre «fråfall» til «gjennomføringa til elevane i opplæringa» i lovteksten.

Departementet foreslår å ikkje vidareføre at det skal utarbeidast ein «rapport» om tilstanden i skolen når det gjeld læringsmiljøet, læringsresultata og gjennomføringa til elevane i opplæringa. Departementet meiner det ikkje er nødvendig å lovregulere i kva form kommunestyret og fylkestinget får denne informasjonen. Ei open regulering gir høve til at kommunane og fylkeskommunane vurderer kva slags rapportering som er tenleg lokalt.

I tillegg foreslår departementet å ikkje vidareføre at rapporten skal drøftast av kommunestyret og fylkestinget. Å lovfeste kva oppfølging rapporteringa skal få av kommunestyret og fylkestinget, er slik departementet ser det, ei unødvendig detaljregulering av det politiske nivået frå kommunane og fylkeskommunane.

Departementet har vurdert innvendingane frå høyringsinstansane. Departementet understre-

ker at det ikkje er ein intensjon å svekkje moglegheita for at det politiske nivået i kommunen og fylkeskommunen får den informasjonen det treng til å drive kvalitetsutvikling i skolen. Departementet meiner likevel at eit formkrav ikkje er nødvendig for at det politiske nivået i kommunen og fylkeskommunen skal få den nødvendige informasjonen. Departementet viser også til prinsippet i kommunelova om at det kommunale og fylkeskommunale sjølvstyret ikkje bør avgrensast meir enn det som er nødvendig for å vareta nasjonale mål.

Etter departementets syn vil det vere tilstrekkeleg å stille krav om at kommunestyret og fylkestinget skal få informasjon om tilstanden i skolen, og at det skal skje minst éin gong i året. Departementet legg til grunn at kommunane og fylkeskommunane sjølv bør vurdere kva slags rapportering som er tenleg, og om det er behov for same type rapportering kvart år.

Departementet legg også til grunn at kommunestyret og fylkestinget behandlar informasjonen om tilstanden i skolen på ein slik måte at dei kan oppfylle plikta til å drive kvalitetsutvikling. Eit overordna krav om at kommunane og fylkeskommunane skal drive kvalitetsutvikling, vil også harmonere betre med tillitsreforma og retningslinjene for statleg styring av kommunar og fylkeskommunar, enn dagens detaljerte krav til korleis kommunane og fylkeskommunane skal gjere dette.

#### **56.5.4 Krav om at kvar skole skal vurdere kvalitet**

Departementet foreslår å vidareføre kravet om at kvar skole jamleg skal vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå måla for opplæringa. Slike vurderingar er sentrale for at kommunane og fylkeskommunane skal ha eit godt grunnlag for kvalitetsutvikling. Forslaget har også fått stor støtte i høyringa.

Departementet er ikkje samd i at kravet overlappar med kravet til internkontroll etter kommunelova. Departementet viser til at kravet til å ha internkontroll gjeld oppfølging av lov- og forskriftskrav og ikkje arbeid med kvalitetsutvikling utover dette.

Måla for opplæringa errett nok forskriftsfesta, og kommunen og fylkeskommunen skal derfor ha internkontroll for å sikre at desse reglane blir følgt. Den jamlege vurderinga av organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa til skolen som departementet foreslår å vidareføre, skal ikkje

berre bidra til at måla for opplæringa blir nådde, men også legge til rette for at opplæringa for eleverne kan bli betre. Distinksjonen ligg i at så lenge opplæringa som blir gitt, er i tråd med måla for opplæringa og andre krav i opplæringslova, vil krava vere oppfylte sjølv om mange elevar har låg måloppnåing. Dermed vil ikkje ein internkontroll vere eit tilstrekkeleg verktøy for å vurdere kvaliten på opplæringa. Departementet meiner derfor at arbeidet med å vurdere *i kva grad* organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa til eleverne av opplæringa medverkar til å nå måla for opplæringa, er ein del av kommunane og fylkeskommunane sitt arbeid med kvalitetsutvikling.

### **56.5.5 Brukarmedverknad i arbeidet med kvalitetsutvikling**

Det går fram av dagens paragraf at eleverne skal involverast i å jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå måla for opplæringa.

I denne lovproposisjonen er det foreslått å innføre eit generelt krav om at elevar og foreldre skal få høve til å vere med på å planleggje, gjennomføre og vurdere verksemda til skolen, sjá forslaget til § 10-4. Paragrafen nemner som eit døme at elevar og foreldre skal involverast i arbeidet til skolen med kvalitetsutvikling i opplæringa. Departementet meiner at kravet om å involvere eleverne og foreldra ikkje bør gjentakast i paragrafen om kvalitetsutvikling.

Departementet vurderer at det bør vere opp til kommunen og fylkeskommunen som arbeidsgivar korleis dei involverer dei tilsette i arbeidet med kvalitetsutvikling, og at konkrete krav til dette ikkje bør lovfestast. Retten arbeidstakarane har til medverknad, er regulert av arbeidsmiljølova og hovudavtalane i kommunal sektor. Departementet viser mellom anna til arbeidsmiljølova kapittel 7 om arbeidsmiljøutval og kapittel 8 om informasjon og drøfting.

Slik departementet ser det, bør ikkje opplæringslova regulere korleis kommunar og fylkeskommunar skal bruke sine tilsette eller retten for dei tilsette til medverknad. Det er likevel vurderinga til departementet at både rektorar, lærarar og eventuelt andre tilsette må involverast i arbeidet med kvalitetsutviklinga på den enkelte skolen fordi det er dei tilsette som har førstehandskunnskap om skoleverksemnda og eleverne.

Ansvaret for å drive kvalitetsutvikling er lagt til kommunane og fylkeskommunane. Dette er i tråd med ansvarspllasseringa i resten av lovforslaget.

### **56.5.6 Krav om skolefagleg kompetanse i administrasjonen i kommunen og fylkeskommunen**

Departementet foreslår å lovfeste eit krav om skolefagleg kompetanse i kommune- og fylkeskommuneadministrasjonen. For kommunane vil dette vere ei vidareføring av dagens krav, medan det vil vere nytt for fylkeskommunane.

Departementet meiner til liks med opplæringslovutvalet at den nye opplæringslova bør innehalde eit krav om skolefagleg kompetanse. Dette vil sikre at kommune- og fylkeskommuneadministrasjonane har kompetanse i skolespørsmål. Mange vil ha skolefagleg kompetanse i administrasjonen uavhengig av om lova stiller krav om det. For nokre kommunar kan det oppfattast som eit signal om at skolefagleg kompetanse ikkje er viktig lenger, dersom kravet ikkje blir vidareført. Eit lovkrav om skolefagleg kompetanse i administrasjonen gjer det tydeleg kva forventningar staten har når det gjeld å følgje opp pliktene knytte til kompetanse- og kvalitetsutvikling. Sjølv om alle fylkeskommunane per i dag har skolefagleg kompetanse i administrasjonen sin, bør forventningane til staten vere dei same både til kommunar og fylkeskommunar.

Departementet meiner at dette er ei nødvendig regulering sett opp mot kor viktig det er at kommunen og fylkeskommunen har kompetanse i skolespørsmål til tross for utgangspunktet om at kommunen og fylkeskommunen sjølv vurderer korleis dei organiserer verksemnda. Departementet sluttar seg til *Utdanningsforbundets* høyringsinnspel om at mangelfull skolefagleg kompetanse i kommuneadministrasjonen kan ha negativ påverknad på systematisk utviklingsarbeid, koordinering, partssamarbeid, kvalitetsvurdering, kompetanseutvikling og regelverksetterleving i skolen. Departementet meiner at eit lovkrav om å ha skolefagleg kompetanse i communal og fylkeskommunal administrasjon vil bidra til å sikre godt skoleeigarskap.

Vidare er forslaget utforma slik at det gir kommunane og fylkeskommunane stor grad av handlefridom når det gjeld korleis dei vil innrette seg for å oppfylle kravet. Det blir stilt ikkje konkrete krav til nivå eller omfang av kompetansen, eller innpllassering i organisasjonen. Departementet legg til grunn at kommunane og fylkeskommunane ønskjer å yte gode tenester, og at vurdering av kompetanse og ressursar er ein sentral del av dette arbeidet. Departementet meiner derfor at det ikkje er nødvendig å konkretisere kravet ytterlegare.

Til innspelet frå *Norsk Lektorlag* om at skolefagleg tilsette i administrasjonen ikkje samtidig kan vere rektor, viser departementet til at fleire kommunar i dag oppfyller kravet om å ha skolefagleg kompetanse i administrasjonen ved at ein rektor har denne funksjonen. Ei slik ordning kan vere uehdig fordi det kan oppstå tvil om det er rektor eller kommunen som uttaler seg i ei sak. I fleire av paragrafane i lova er det dessutan vist til at rektor skal varsle kommunen eller fylkeskommunen om ulike saker. Det kan i slike tilfelle oppstå tvil om kommunen er varsla eller ikkje, der som rektor også har ei rolle i kommuneadministrasjonen. Utdanningsdirektoratet har i ei tolkingsfråsegn frå 7. april 2008 peika på at for at rektorfunksjonen og funksjonen som skolefagleg kompetanseperson skal kunne la seg kombinere for ein og same person, må funksjonane arbeidsrettsleg haldast frå kvarandre, typisk ved separate arbeidsforhold for kvar av funksjonane. Departementet meiner at det ikkje bør lovfestast at skolefaglege tilsette i administrasjonen ikkje samtidig kan vere rektor, men at det må utvisast varsemd i tråd med omtalen her.

#### **56.5.7 Regelen om å påleggje fylkeskommunane å gi rettleiing og drive kvalitetsutvikling**

Departementet foreslår å ikkje videreføre regelen om å påleggje fylkeskommunane å gi rettleiing og drive kvalitetsutvikling. Departementet viser til at regelen ikkje er godt nok i samsvar med kommunelova § 2-1 tredje ledd om at avgrensingar i det kommunale sjølvstyret må ha heimel i lov. Regelen er så lite konkret at han ikkje utgjer nokon tydeleg skranke for kva oppgåver som kan pålegg-

gjast fylkeskommunen, og bruken av han blir derfor lite føreseieleg for fylkeskommunen.

#### **56.6 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å ikkje lovfeste eigne reglar om internkontroll i opplæringslova
- å lovfeste eit krav om kvalitetsutvikling, til erstatning for dagens krav om å følgje opp resultat frå nasjonale kvalitetsvurderingar, sjå forslaget til § 17-12 andre ledd
- å lovfeste eit generelt krav om at kommunestyret og fylkestinget minst éin gong i året skal få informasjon om tilstanden i skolen når det gjeld læringsmiljøet, læringsresultata og gjenomføringa til elevane i opplæringa til erstatning for dagens krav om å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i skolen. Det blir ikkje foreslått krav om at rapporteringa blir behandla i kommunestyret og fylkestinget. Sjå forslaget til § 17-12 fjerde ledd
- å vidareføre kravet om at kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at skolane jamleg vurderer kvaliteten på den enkelte skolen, sjå forslaget til § 17-12 tredje ledd
- å vidareføre dagens reglar med krav om at kommunen skal ha skolefagleg kompetanse i administrasjonen, sjå forslaget til § 17-12 første ledd
- å innføre krav om at også fylkeskommunen skal ha skolefagleg kompetanse i administrasjonen, sjå forslaget til § 17-12 første ledd
- å ikkje vidareføre regelen om å påleggje fylkeskommunane å gi rettleiing og drive kvalitetsutvikling

## **57 Oppfylling av enkeltvedtak som er kjent ugyldig**

### **57.1 Innleiing**

Dette punktet handlar om korleis kommunane og fylkeskommunane skal handtere ein situasjon der enkeltvedtak etter opplæringslova er kjende ugyldige.

### **57.2 Dagens reglar**

Det er fastsett følgjande i opplæringslova § 15-7:

Ein kommune eller fylkeskommune må oppfylle eit vedtak frå eit statleg forvaltningsorgan som gir ein part rett til tenester etter lova her, sjølv om kommunen eller fylkeskommunen får vedtaket kjent ugyldig gjennom søksmål etter twisteloven § 1-4 a. Vedtak kan i tilfelle som nemnt i første punktum berre gjerast om til skade for den private parten etter forvaltningsloven § 35 første ledd bokstav c dersom vedtaket er ugyldig fordi den private parten, eller nokon som handla på vegner av den private parten, forsettleg eller grovt aktlaust har gitt uriktige opplysningar eller halde tilbake opplysninga.

Paragrafen kom inn i opplæringslova i 2018 som ei følge av ei endring i twistelova som gav kommunane tilgang til å reise søksmål mot staten om gyldigheita av avgjerdene til eit statleg organ. I twistelova § 1-4 a første ledd er det lista opp kva avgjærer som er omfatta. Søksmåltilgangen gjeld til dømes i tilfelle der eit statleg organ pålegg kommunen plikter etter tilsyn.

Opplæringslova § 15-7 inneber at det er forbode å ikkje oppfylle eit vedtak som er kjent ugyldig gjennom søksmål etter twistelova § 1-4 a, dersom å ikkje oppfylle vedtaket er til skade for ein elev eller ein vaksen deltar i grunnopplæringa som er tilgodesett av det statlege vedtaket. Tilsvarande omgjeringsforbod vart også teke inn i andre velferdslover, som pasient- og brukarrettslova og barnehagelova. Omgjeringsforbodet i opplæringslova § 15-7 gjeld likevel ikkje dersom den private

parten hadde fått tilkjent ei yting fordi hen eller nokon som har handla på vegner av hen, med forsett eller grov akløyse har gitt feilaktige opplysningar.

### **57.3 Høyringsforslaget**

Departementet foreslo å vidareføre regelen om oppfyllinga av ugyldige vedtak. Departementet følgde med dette opp forslaget frå opplæringslovutvalet.

### **57.4 Høyringsinstansanes syn**

Det er svært få høyringsinstansar som uttalar seg om forslaget om å vidareføre regelen om oppfyllinga av ugyldige vedtak. Dei få som har uttalt seg støttar i all hovudsak forslaget.

### **57.5 Departementets vurdering**

Departementet meiner det er gode grunnar for forbodet i opplæringslova § 15-7, og foreslår at regelen blir vidareført. Departementet meiner at det at eit vedtak som tilgodeser ein elev, ikkje skal kunne gjerast om til ugunst for eleven på grunnlag av eit søksmål om ugyldigkeit, er til det beste for eleven. Tilsvarande gjeld for vaksne deltarar som er tilgodesette i vedtak frå statlege organ. Departementet meiner også at det er rimeleg at det likevel ikkje er eit forbod mot å oppfylle vedtaket dersom årsaka til at vedtaket er ugyldig, er at eleven eller den vaksne deltararen med forsett eller grov akløyse har gitt feilaktige opplysningar.

### **57.6 Departementets forslag**

Departementet foreslår å vidareføre regelen om oppfyllinga av ugyldige vedtak, sjå forslaget til § 29-4.

## **58 Deltaking i evalueringar og informasjonsinnhenting**

### **58.1 Innleiing**

Dette punktet handlar om plikt til å gi opplysnigar og å delta i evalueringar om forhold som har noko å seie for evaluering av opplæringsverksemder som er omfatta av lova.

### **58.2 Dagens reglar**

Opplæringslova § 14-4 gir departementet heimel til å gi forskrifter som pålegg dei som er ansvarlege for opplæringsverksemd, og dei som får slik opplæring, det vil seie kommunar, fylkeskommunar, skolar, elevar og dei som har lærerid i bedrift, mfl., å gi opplysnigar og å delta i evalueringar om forhold som har noko å seie for evaluering av opplæringsverksemder som er omfatta av lova. Opplæringslova § 13-3 e første ledd slår fast at kommunane og fylkeskommunane skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultata frå nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-4.

Departementet har gitt slik forskrift i kapittel 2 i forskrift til opplæringslova. Dette kapittelet handlar om mellom anna nasjonale undersøkingar om læringsmiljøet til elevar, lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar og ulike prøvar, inkludert nasjonale prøvar.

### **58.3 Høyringsforslaget**

I høyringa foreslo departementet å vidareføre reglane om informasjonsinnhenting og evaluering. Departementet følgde med dette opp forslaget frå opplæringslovutvalet.

### **58.4 Høyrinsinstansanes syn**

Det har komme inn svært få høyringsinnspeil til forslaget om å vidareføre reglane om informasjonsinnhenting og evaluering. Dei få som har uttalt seg støttar i hovudsak departementets forslag.

### **58.5 Departementets vurdering**

Departementet meiner det er behov for å vidareføre heimelen for å gi reglar i forskrift som pålegg kommunar, fylkeskommunar, skolar, elevar og dei som skal ha lærerid i bedrift mfl. å gi opplysnigar og å delta i evalueringar om forhold som har noko å seie for evaluering av verksemda som er omfatta av lova. Ein slik heimel er nødvendig for å leggje til rette for, og gjennomføre, kvalitetsutviklingsarbeid i skolen, jf. opplæringslova § 17-12.

Sjå nærmare om kvalitetsutviklingsarbeid i punkt 56 om internkontroll og kvalitetsutvikling.

Opplæringslovutvalet gir uttrykk for at innsamling av opplysnigar og rapportering frå testar og evalueringar som blir gjorde i dag, reiser fleire personvernutfordringar. Utgreiinga viser til at det i ein del samanhengar har vore problematisert om behandlingsgrunnlaget i opplæringslova med forskrifter er tilstrekkeleg for behandlinga av slike opplysnigar i det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet.

Departementet viser til Prop. 145 L (2020–2021) *Endringar i opplæringslova, friskolelova og barnehagelova (behandling av personopplysningar, fjernundervisning o.a.)*, punkt 54 om reglar om behandling av personopplysningar i grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. Det er oppgåva om å delta i evalueringar og gi opplysnigar om opplæringa, som vil gi rammene for kva opplysnigar som kan behandlast, og i kva utstrekning. Det følgjer av § 25-1 første ledd at personopplysningar kan behandlast berre så langt det er nødvendig for den konkrete oppgåva eller plikta.

Departementet foreslår å vidareføre reglane om behandling av personopplysningar som blir gitt i samband med å delta i evalueringar. Departementet foreslår å ikkje vidareføre i lovteksten at Utdanningsdirektoratet skal vere behandlingsansvarlig for slike personopplysningar, eller at opplysningane kan brukast som grunnlag for forsking, analyse og statistikk. Departementet meiner at det er meir tenleg å regulere mellom anna behandlingsansvaret og formål i forskrift og foreslår ein forskritsheimel som tar høgd for dette. I tillegg foreslår departementet å vidareføre presi-

seringa om at også personopplysninga som nemnde i personvernforordninga artikkel 9 og 10 kan behandles.

## **58.6 Departementets forslag**

---

Departementet foreslår å videreføre reglane om informasjonsinnehenting og evaluering, sjå forslaget til § 25-4.

## 59 Klagerett og klageinstans

### 59.1 Innleiing

Dette punktet handlar om klagereglar. Dette er reglar om kva det kan klagast over, kven som kan klage, kven som bør vere klageinstans, og kva saksbehandlingsreglar som gjeld i klagebehandlinga.

### 59.2 Dagens reglar

#### 59.2.1 Forvaltningslova og opplæringslova

Formålet med retten til å klage er å sikre at forvaltninga gjer rette vedtak, og at den enkelte får rettane sine oppfylt. Retten til å klage er også eit ledd i den interne kontrollen til forvaltninga med eigne avgjelder.

I opplæringslova er det gitt særreglar som avvik frå hovudløysinga til forvaltningslova om at enkeltvedtak kan klagast på til det forvaltningsorganet som er nærmast overordna det forvaltningsorganet som har gjort vedtaket. Opplæringslova har særreglar om at departementet, i praksis statsforvaltaren, er klageinstans for ei rekke enkeltvedtak.

#### 59.2.2 Kva det kan klagast på

##### *Rett til å klage på enkeltvedtak*

Forvaltningslova § 28 første ledd gir klagerett på avgjelder som er enkeltvedtak. Eit enkeltvedtak er definert i forvaltningslova § 2 som «en avgjrelse som treffes under utøving av offentlig myndighet», og som «gjelder rettigheter eller plikter til en eller flere bestemte personer».

Avgjelder om standpunktcharakter, skoleplass, retten eleven har til spesialundervisning, skoleskyss, utsett skolestart og permisjon frå opplæringa er døme på enkeltvedtak. Også tildeling av kommunale ytingar og tenester som ein ikkje har lovfesta rett til, kan vere enkeltvedtak etter forvaltningslova. Til dømes er avgjarda til kommunen om tildeling av plass i skolefritidsordninga eit enkeltvedtak. I løpet av opplæringsløpet blir det teke ulike avgjelder, til dømes om klassetilhørsel, timeplanar, lekser, vurderingar i fag og i orden

og oppførsel som ikkje er standpunktcharakterar, organisering av skoledagen, plassering i klasserom, endring av lærermiddel, skoleturar etc. Dei fleste av desse avgjerdene blir ikkje rekna som enkeltvedtak, og det er ikkje klagerett. Er det tvil, må det vurderast konkret om avgjerala er eit enkeltvedtak, mellom anna ut frå kor inngripande avgjerala er, og kven ho gjeld for.

##### *Rett til å klage sjølv om det ikkje ligg føre eit enkeltvedtak*

Opplæringslova § 9 A-7 siste ledd inneholder eit unntak frå hovudregelen om at klagerett føreset eit enkeltvedtak. Ein elev eller forelder kan klage på det fysiske skolemiljøet sjølv om skolen ikkje har gjort enkeltvedtak i saka. Føresetnaden er at eleven eller foreldra har bede skolen om å setje i gang tiltak for å rette på det fysiske miljøet, og at skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka.

Også opplæringslova § 9 A-6 første ledd inneholder ein særregel som avvik frå normalordninga i forvaltningslova. Regelen gjeld handheving av aktivitetsplikta til skolen for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø. Dersom elevar eller foreldre meiner skolen ikkje set i verk tilstrekkelege tiltak, kan dei melde saka si direkte til statsforvaltaren, og dei har rett til å få prøvd om skolen har oppfylt aktivitetsplikta si. Saka må vere teken opp med rektor før ho blir meld til statsforvaltaren. Avgjarda til statsforvaltaren er eit enkeltvedtak som kan klagast på.

##### *Om det kan klagast på manglande gjennomføring av enkeltvedtak*

Forpliktingane i FNs konvensjon om økonomiske, sosiale og kulturelle rettigheter artikkel 13, protokoll nr. 1 til Den europeiske menneskerettskonvensjon artikkel 2 og FNs barnekonvensjon artiklane 23, 28 og 29 omtaler ikkje berre krav om tilgang til grunnopplæring, men også gjennomføring av opplæring og målet om å utvikle barn sine evner.

Forvaltningslova regulerer ikkje ein rett til å klage dersom kommunane eller fylkeskommunane ikkje gjennomfører innhaldet i eit enkeltvedtak. Klageretten etter forvaltningslova kapittel VI gjeld sjølvé enkeltvedtaket.

Dagens opplæringslov har heller ikkje reglar om temaet.

Krav på tenester eller andre naturalytingar overfor ein kommune eller fylkeskommune kan tvangsfyllbyrdast. Praktisk sett vil dette skje ved at det offentlege blir pålagt ei løpende mulkt for kvar dag eller veke som går utan at handleplikta blir oppfylt, jf. tvangsfyllbyrdingslova § 13-14 første ledd.

Pasient- og brukarrettslova hadde ein eigen regel med ein rett til å be om oppfylling av rettar etter lova. Frå 2011 er regelen innteken i pasient- og brukarrettslova § 7-2, som er ein klageregel. Ved innføringa drøfta Helse- og omsorgsdepartementet betydninga av krav om oppfylling i Ot.prp. nr. 12 (1998–1999), punkt 9.1:

For at rettigheter skal oppleves som reelle, må de også ha prosessuell beskyttelse, dvs. kunne håndheves gjennom klage eller andre overprøvingsregler. Dette gjelder både bestemmelser som skal sørge for at personer som henvender seg til helsetjenesten får fastsatt om de har rettigheter og eventuelt hva slags rett han/hun har, og det gjelder bestemmelser som skal sørge for at rettigheten blir gjennomført. I forlengelsen av spørsmål vedrørende fastsettelse og fullbyrdelse, kommer bestemmelser om sanksjoner ved brudd på rettigheter, for eksempel erstatning, pålegg om naturaloppfyllelse og personellreaksjoner.

Då rettleiinga til Utdanningsdirektoratet *Spesialundervisning i grunnskole og vidaregående opplæring Regelverk, prosedyrer og prosesser* (publisert i 2004) vart oppdatert i 2009, vart innhaldet i klagetilgangen beskrive på følgjande måte:

Klageadgangen gjelder både spørsmålet om en elev eller lærekandidat har rett til spesialundervisning, og spørsmålet om spesialundervisningsopplegget er adekvat ut fra situasjonen. [...] At eleven ikke får den ressursen eleven er tildelt i enkeltvedtaket, er uakseptabelt. Plikten skal oppfylles. [...] Dersom eleven ikke får den individuelt tildelte ressursen, kan eleven klage til Fylkesmannen. Det er i denne forbindelse viktig at foreldrene har gjort seg godt kjent med enkeltvedtaket og følger med på hvilket opplæringstilbud eleven faktisk får.

Ein elev som har fått vedtak om spesialundervisning etter opplæringslova, er altså etter forvaltningspraksis gitt høve til å klage over manglande gjennomføring av enkeltvedtaket. Utdanningsdirektoratet har i brev 13. oktober 2020 til statsforvaltarane gjort greie for at høvet til å klage også omfattar andre vedtak som gir grunnleggjande føresetnader for å sikre at elevane får tilstrekkeleg utbytte av opplæringa. Dette gjeld vedtak om opplæring i og på teiknspråk, særskild språkopplæring og opplæring i punktskrift, tekniske hjelpemiddel og mobilitet.

I den digitale rettleiinga *Veilederen Spesialundervisning* (publisert i 2014) som no ligg på nettstaden til Utdanningsdirektoratet, heiter det i punkt 7.8 at

[e]lever/foreldrene kan klage både på avslag om rett til spesialundervisning, på innholdet i enkeltvedtaket om spesialundervisning, på saksbehandlingen og på manglende oppfyllelse av enkeltvedtaket. Selv om forvaltningsloven stiller et krav om at klagen må være reist innen tre uker, innebærer ikke dette at eleven/foreldrene er frattet retten til å klage på enkeltvedtaket også ved et senere tidspunkt, dersom innholdet i enkeltvedtaket ikke følges. Dette betyr at eleven/foreldrene har en løpende rett til å klage på at gjennomføringen av spesialundervisningen ikke er i tråd med enkeltvedtaket.

Klagetilgangen er også omtalt i rettleiinga punkt 8.6 om gjennomføring av opplæringa:

Det er viktig at eleven/foreldrene har gjort seg godt kjent med enkeltvedtaket og følger med på hvilket opplæringstilbud eleven faktisk får. [...] Eleven/foreldrene kan klage til Fylkesmannen dersom spesialundervisningen ikke gjennomføres slik det er fastsatt i enkeltvedtaket.

Same praksis er lagt til grunn i fleire utgåande brev frå Utdanningsdirektoratet. Sivilombodet har behandla spørsmål om klagerett i desse tilfella, mellom anna i ei sak som gjaldt klage over manglende gjennomføring av vedtak om opplæring i og på teiknspråk. I sak SOM-2016-1689 gav Sivilombodet uttrykk for at

[d]e nærmere rettslige rammene for klageadgangen på manglende gjennomføring av vedtak om spesialundervisning er uklare. Direktoratets veileder er neppe i seg selv et tilstrekke-

lig grunnlag for Fylkesmannens myndighet til å behandle slike klagesaker. Ombudsmannen antar at grunnlaget for Fylkesmannens myndighet følger av rollen som tilsynsmyndighet etter opplæringslova kapittel 14, jf. kommuneloven kapittel 10 A. Ut fra veilederen, og slik saksbehandlingen er innrettet i denne saken, synes det imidlertid å være forutsatt at klager over gjennomføringen av vedtak skal behandles på samme måte som for klager over selve vedtakene. Dette tilskir at elever og foresatte har en rett til å klage, og at Fylkesmannen ikke vil ha den samme skjønnsmessige adgangen til å velge om det skal opprettes sak, og hva en sak skal omfatte, som i ordinære tilsynssaker. De øvrige reglene for klagebehandling i forvaltningsloven bør antakelig også følges – så langt disse passer.

#### **59.2.3 Kven som har rett til å klage**

Den som er part eller har rettsleg klageinteresse, kan klage på enkeltvedtak. Eleven vedtaket gjeld for, vil alltid vere part. Når eleven er under 15 år, vil eleven vere representert av foreldra sine. Etter fylte 15 år har elevar sjølvråderett i utdanningsspørsmål og sjølvstendig klagerett.

#### **59.2.4 Kven som er klageinstans**

Hovudregelen etter forvaltningslova er at enkeltvedtak skal klagast på til «det forvaltningsorganet (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorganet som har truffet vedtaket (underinstansen)», jf. forvaltningslova § 28 første ledd. For enkeltvedtak som er gjorde av eit forvaltningsorgan som er oppretta etter kommunelova, er klageinstansen «kommunestyret eller fylkestinget, eller etter disses bestemmelse, formannskapet eller fylkesutvalget eller en eller flere særskilte klagenemnder oppnevnt av kommunestyret eller fylkestinget».

Opplæringslova inneholder fleire reglar som avvik frå dette systemet. Etter opplæringslova skal klager på enkeltvedtak som gjeld elevar og vaksne i grunnskolen, som hovudregel bli behandla av departementet. Myndet til å behandle klagene er delegert til Utdanningsdirektoratet, som igjen har delegert myndet til statsforvaltaren i kvart enkelt fylke, jf. delegeringsbrev frå Utdanningsdirektoratet 5. november 2013.

For vidaregående opplæring er hovudregelen at reglane i forvaltningslova gjeld. For vidaregående opplæring er departementet ved statsforval-

taren klageinstans berre for dei vedtaka som er lista opp i lova. Dette gjeld

- inntak til vidaregående opplæring (vedtak som gjeld om ein søker skal takast inn i vidaregående opplæring eller ikkje)
- inntak til eit særskilt utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1
- spesialundervisning
- særskild språkopplæring
- det fysiske skolemiljøet
- opplæring i opptil to år ekstra
- pålagt skolebytte

For klage på vedtak om kva utdanningsprogram, programområde eller skole ein søker skal takast inn på, og for klage på vedtak om inntak av gjeste-elevar gjeld reglane i forvaltningslova, jf. opplæringslova § 15-2 tredje ledd. Reglane i forvaltningslova gjeld også for klage på vedtak i den vidaregående opplæringa om skyss, reisefølgje og tilsyn i samband med skyss, opplæring i og på samisk, opplæring i og på kvensk eller finsk, opplæring i og på norsk teiknSpråk og opplæring i punktskrift. Det betyr at det er fylkestinget eller særskilde klagenemnder utnemnde av fylkestinget som er klageinstans i desse vedtaka.

For handheving i skolemiljøsaker kan saka etter å ha vorte teken opp med rektor blir meld til statsforvaltaren. Vedtak frå statsforvaltaren kan klagast på etter reglane i forvaltningslova. Det vil seie at Utdanningsdirektoratet er klageinstans. Dette gjeld både grunnskolen og vidaregående opplæring. Reglane om skolemiljøsaker blir gjenomgått i punkt 33 og blir ikkje omtalte nærmere i punktet her.

For klager på vedtak om vurdering i grunnskolen og i den vidaregående opplæringa er det fastsett eigne reglar i forskrift til opplæringslova kapittel 5. For klage på vurdering av skriftleg eksamen er det eigne klagenemner som er utnemnde av statsforvaltaren, eller fylkeskommunen, som er klageinstans, jf. forskrift til opplæringslova § 5-9. For klage på standpunkt-karakter i fag og orden og oppførsel er statsforvaltaren klageinstans i grunnskolen, og for vidaregående opplæring er det fylkestinget eller det organet fylkestinget gir mynde, som behandler klagene, sjå forskrift til opplæringslova §§ 5-12 og 5-13. For klage på vurdering av fag- og sveineprøve, praksisbrev-prøve og kompetanseprøve i vidaregående opplæring er det ei eiga klagenemnd som er klageinstans, jf. forskrift til opplæringslova § 5-14. I forskrift til opplæringslova kapittel 3 og 4 er det også fastsett at statsforvaltaren er klageinstans for enkelte andre sakstypar, til dømes for realkompe-

tansevurdering etter § 4-11 og for særskild tilrettelegging av eksamen etter §§ 3-29 og 4-21.

I tilfelle der barnevernstenesta har overteke omsorga, er det foreldra til barnet som har rett til å velje privat skole, jf. § 2-1, samtykkje til fritak frå heile opplæringsplikta, jf. § 2-1, velje målform, jf. § 2-5, krevje fritak frå aktivitetar i opplæringa av omsyn til religionen eller livssynet til barnet, jf. § 2-3 a, og krevje opplæring i kvensk eller finsk og i og på samisk, jf. §§ 2-7 og 6-2. Dette følgjer av opplæringslova § 15-6 andre ledd. Regelen har ikkje betydning for kva tilfelle og saker eleven sjølv kan ta avgjerder i. Regelen har heller inga betydning for forholdet mellom barnevernstenesta og fosterforeldre eller barnevernsinstitusjon. Regelen har ikkje konsekvensar for kven som kan klage på enkeltvedtak etter opplæringslova.

### **59.2.5 Kommunalt sjølvstyre i klagesaker om skolebytte**

I § 15-1 tredje ledd er det fastsett at «[v]ed behandling av klagar på kommunale vedtak om skolebytte etter § 8-1 tredje ledd skal statleg klageinstans leggje vekt på omsynet til det kommunale sjølvstyret ved prøving av det frie skjønet». Dette er eit unntak frå forvaltningslova § 34 andre ledd tredje punktum, der det er fastsett at den statlege klageinstansen skal leggje «stor vekt» på det kommunale sjølvstyret ved denne typen avgjerder. I høyringa av forslaget om å innføre regelen i opplæringslova § 15-1 tredje ledd vart det lagt til grunn at «[d]epartementet mener det er enkelte sakstyper som ikke bør bli berørt av forslaget om å redusere klageinstansens adgang til å overprøve kommunens skjønnsutøvelse. Her sikter departementet til sakstyper som gjelder grunnleggende velferdstjenester til private parter».

## **59.3 Høyringsforslaget**

I høyringa foreslo departementet

- å halde ved lag reglane om kva det kan klagast over
- å halde ved lag reglane om kven som har klagerett, men å gi elevar som har ein valrett knytt til individuelle opplæringsrettar frå 8. trinn, sjølvstendig klagerett på enkeltvedtak sjølv om dei ikkje har fylt 15 år
- å vidareføre ein heimel for departementet til å gi forskrift om kven som skal vere klageinstans for enkeltvedtak om vurdering

- å ikkje vidareføre særregelen om vektlegging av det kommunale sjølvstyret ved prøving av det frie skjønnet når staten behandlar klager på kommunale vedtak om skolebytte

Departementet høyrde to alternative modellar for kven som skal vere klageinstans for enkeltvedtak etter opplæringslova:

- Alternativ 1: Kommunen og fylkeskommunen skal vere klageinstans for vedtak etter opplæringslova, i tråd med systemet til forvaltningslova, med unntak av nærrare bestemte vedtak, i tråd med forslaget frå utvalet.
- Alternativ 2: Staten skal vere klageinstans for alle vedtak etter opplæringslova som gjeld opplæringa. For vedtak i vidaregåande opplæring som gjeld inntak av gjesteelevar, kva utdanningsprogram, programområde og kva skole ein søker skal takast inn på, skal likevel reglane i forvaltningslova gjelde, dvs. at fylkeskommunen er klageinstans. Også for vedtak etter opplæringslova som gjeld anna verksemد enn opplæring, skal reglane i forvaltningslova om klageinstans gjelde. Staten skal likevel vere klageinstans for vedtak om skoleskyss.

I høyringa skisserte departementet også tre moglege modellar for oppfølging av manglande gjennomføring av enkeltvedtak:

- behalde forvaltningspraksisen om klagerett som er skissert i Utdanningsdirektoratets rettleiar, og lovfeste denne
- løyse behovet gjennom tilsyn
- førespurnad om gjennomføring med etterfølgjande klagerett – ein modell som ligg nær oppmodingsretten i den no oppheva pasient- og brukarrettslova § 7-1, med etterfølgjande klagerett

Med dette høyringsforslaget følgde departementet delvis opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 51. Utvalet foreslo at enkeltvedtak skal påklagast til kommunen eller fylkeskommunen, men at departementet skal vere klageinstans for opplista enkeltvedtak etter opplæringslova.

## **59.4 Høyringsinstansanes syn**

Det har komme inn 18 høyringsinnspel til forslaga. Dei fleste innspela gjeld spørsmålet om kven som er klageinstans, og om klageretten bør omfatte manglande oppfølging av enkeltvedtak.

### 59.4.1 Kven som har rett til å klage

Det er svært få høyringsinstansar som uttaler seg om forslaga om kven som har rett til å klage. Dei få som har uttalt seg, støttar i all hovudsak forslaga.

### 59.4.2 Kva det kan klagast over

Det er om lag 15 høyringsinstansar om har uttalt seg om klageretten bør omfatte manglande oppfølging av enkeltvedtak. Høyringsinstansane er delte i synet på om det er særskilt behov for særreglar om oppfølging av manglande gjennomføring av enkeltvedtak, og korleis eit slik behov eventuelt bør avklarast.

I høyringa skisserte departementet tre moglege modellar for oppfølging av manglande gjennomføring av enkeltvedtak. Alternativ 2 om tilsyn og alternativ 3 om førespurnad om gjennomføring med etterfølgjande klagerett fekk lite støtte blant høyringsinstansane. Mellom anna *Norsk Forbund for Utviklingshemmede* uttalte at ingen av desse alternativa vil vere effektive for at den enkelte eleven skal få oppfylt rettane sine.

Av dei tre alternativa som vart presenterte, har forslaget om å lovfeste klageretten som er skissert i rettleiinga til Utdanningsdirektoratet, fått mest støtte. Dei som støtta dette alternativet, mellom anna *Handikappede Barns Forening*, meiner det er viktig at det blir lovfesta rett til å klage på gjennomføring. Informasjon om korleis ein klagar, bør vere lett tilgjengeleg for foreldre for å redusere terskelen for å få hjelp når ein opplever at barna ikkje får den opplæringa dei skal ha. Det er uheldig at moglegheita berre kjem fram av rettleiing/rundskriv som mange foreldre ikkje kan finne fram til. *Statsforvaltaren i Oslo og Viken* viste til at alle dei tre alternativa på mange måtar er likelydande måter å behandle desse sakene på, og er det ikkje noko poeng i at ein no skal behandle desse sakene på ein ny måte. Dei knyter derfor til seg alternativ 1.

*Statsforvaltaren i Vestland* understrekar på den andre sida at dei er usamde i at det har vore ein langvarig forvaltningspraksis som underbyggjer at elevar kan klage på manglande gjennomføring av enkeltvedtak om spesialundervisning. Dette er etter deira mening ikkje ei etablert ordning. Dei skriv at statsforvaltarane har fått beskjed frå Utdanningsdirektoratet om å behandle desse klogene, men at dei aldri har fått ei grunngiving på kvifor eller korleis.

Fleire høyringsinstansar er kritiske til alle tre modellane som vart presenterte i høyringa, og

stiller spørsmål til kva som eventuelt skal vere konsekvensane dersom eleven får medhald på klage i ei lovfesta ordning, under dette kva som kan vere moglege utfall av overprøvinga til klageinstansen, kva som kan påleggjast skolen i enkeltvedtak, og kva eventuelle sanksjonar skulle vere.

*Justis- og beredskapsdepartementet* uttaler at ei eiga lovregulering av ein rett til å rette førespurnader om oppfylling er unødvendig og uheldig. *Justis- og beredskapsdepartementet* viser til at når det er gjort eit enkeltvedtak som etablerer rettar for elevane og plikter for skolen, har skolen uansett ei plikt til å etterleve vedtaket. Elevar og foreldre som meiner at skolen ikkje oppfyller denne plikta, står fritt til å ta dette opp med skolen utan at dette må komme fram uttrykkjeleg av lova. *Justis- og beredskapsdepartementet* skriv også at den tidlegare regelen i pasient- og brukarrettslova som det blir vist til i høyringsnotatet, ikkje er ein eigna modell for dei sakene som blir drøfta her. Dei pliktene det kunne bedast om oppfylling av etter regelen i pasient- og brukarrettslova, følgde direkte av lova og var ikkje baserte på enkeltvedtak.

Når det gjeld den praktiske gjennomføringa av desse sakene i dag, uttaler *Statsforvaltaren i Vestland* at dei per i dag til dels følgjer ein praksis som er skissert i alternativ 3. Dei skriv:

Når vi har mottatt ei klage på manglande gjennomføring, har vi tatt kontakt med skoleeigar for å få klarheit i saka. Vi opplever at dette som oftast løysr saka. Skoleeigar kjem på banen i saker som skolane har sete med sjølv, det blir oppretta dialog med føresette/elev, og det blir sett inn tiltak. På den måten vert problemet løyst på lågaste nivået direkte mellom dei som skal samarbeide vidare. Departementet skriv at det kan stillast spørsmål ved om ein oppnår noko meir ved å innføre ein rett til å be om gjennomføring. Etter vår erfaring er svaret ja, fordi vi har sett at berre det å spørje om gjennomføring, set i gang ein prosess. Ein rett til å be om gjennomføring og ei plikt til å gjennomføre, følger allereie av vedtaket, men vi meiner at saksbehandlingskrav knytt til dette vil vere hensiktsmessig. Vi meiner dette vil kunne «avskjere» ein del klager til Statsforvaltaren som kan auka konfliktnivået eller skape avstand mellom skoleeigar og føresette/elev.

### 59.4.3 Kven som er klageinstans

Dei som støttar alternativ 1, at kommunen og fylkeskommunen som hovudregel skal vere klageinstans, er *KS, Statsforvaltaren i Rogaland, Statsfor-*

*valtaren i Oslo og Viken og Agder fylkeskommune.* Blant omsyna som blir trekte fram, er omsynet til kommunal og fylkeskommunal eigenkontroll og sjølvstyre. Når kommunane er pålagde ei oppgåve i lov, bør dei ha ansvaret for å løyse oppgåva fullt ut i tråd med reglane som gjeld. Vidare blir det framheva at lokal klagebehandling kan gi større tryggleik for lokale tilpassingar og for at lokale oppfatningar blir tekne i betrakting i klagesaka. Når vedtaket i ei klagesak kan ha økonomiske konsekvensar for ein kommune eller fylkeskommune, kan det samsvare betre med budsjettansvaret dersom avgjerala blir gjort av ein lokal klageinstans.

Fleirtalet av høringsinstansane som har uttalt seg, støttar ikkje alternativ 1. Fleire høringsinstansar, mellom anna *Kristiansand kommune*, påpeikar at enkeltvedtak etter opplæringslova er blant enkeltvedtaka som kommunane har flest klagesaker på. *Kristiansand kommune* er skeptisk til at kommunen sjølv skal vere klageinstans i slike saker, både grunna behov for juridisk kompetanse og likebehandling av saker. Kommunen ser også utfordringar ved at statsforvaltaren får mindre oversikt over rettsområdet og derfor ikkje i like stor grad kan gi god rettleiing til kommunane på regelverksforståinga. Kommunen påpeikar vidare at det må takast høgd for ein stor økonomisk og administrativ konsekvens for kommunen.

Alternativ 2, som inneber at staten skal vere klageinstans for vedtak etter opplæringslova som gjeld opplæringa, har fått støtte frå fleirtalet av høringsinstansane som har uttalt seg, støttar dette forslaget. Desse er *Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark*, *Statsforvaltaren i Vestland*, *Statsforvaltaren i Troms og Finnmark*, *Utdanningsforbundet*, *Utdanningsdirektoratet Barneombodet*, *Juristforbundet*, *Norsk Forbund for Utviklingshemmede*, *Handikappede barns foreldreforeining*, og ei rekke kommunar.

Fleire av desse påpeikar at det er viktig at staten er klageinstans for saker om rettar som er nært knytte til, eller særleg viktige for, opplæringa. Det er nettopp i slike tilfelle at omsynet til nasjonale mål om rettstryggleik, likskap og likeverd veg tungt. *Barneombodet* uttaler seg slik:

ekstern klageinstans er avgjerande for rettstryggleiken til elevane og for at rettane deira blir oppfylte. Vi meiner at det vil vere ei alvorleg svekking av rettsvern et til elevane om dei gjeldande reglane blir endra slik at hovudregelen er kommunal eller fylkeskommunal klagerett.

Fleire høringsinstansar uttaler at klager som blir behandla av ein statleg instans i dag, framleis bør behandlast av ein statleg instans i framtida, og at det er viktig at nasjonale mål for grunnopplæringa blir nådde. *Norsk Forbund for Utviklingshemmede* uttaler mellom anna:

Vi erfarer at det er stor variasjon i juridisk kompetanse i kommunene, og veldig ofte er den juridiske kompetansen lav. Ved kommunal klagebehandling er det dessuten en stor risiko for at avgjørelsene preges av økonomiske hensyn. Dette ser vi i stor grad på andre saksområder, og kan nok forventes dersom klagebehandlingen for saker etter opplæringsloven overføres til kommunalt klageorgan. Vi er derfor ikke i tvil om at det vil være til barnas beste at hovedregelen er statlig klagebehandling. Vi mener at dette i større grad vil bidra til at barna får oppfylt sine rettigheter. Samtidig vil det bidra til en mer ensartet praksis, uavhengig av hvor barna bor. Dette vil være i tråd med barnekomiteens anbefaling til Norge, i avsluttende merknader til Norges femte og sjette rapportering (2018), om å iverksette tiltak for å redusere regionale forskjeller mellom tjenester til barn.

Også omsynet til rettstryggleik, likebehandling og føreseielege forhold blir trekt fram i høyringa som viktig omsyn som taler for at staten som hovudregel skal vere klageinstans.

## 59.5 Departementets vurdering

### 59.5.1 Kva det kan klagast over

Departementet foreslår å halde ved lag reglane om kva det kan klagast over, sjå punkt 59.2.2 om dagens reglar.

Departementet har vurdert om klageretten bør omfatte manglante gjennomføring av vedtak. Departementet foreslår inga særregulering av manglante gjennomføring av enkeltvedtak.

Departementet meiner at det er viktig å sikre at enkeltvedtak etter opplæringslova blir gjennomførte etter innhaldet sitt, slik at elevane får den opplæringa dei har rettskrav på. Det er særleg viktig at rettane til barn og unge blir varetatt på ein god måte og i tråd med internasjonale forpliktingar.

Departementet er samtidig samd med høringsinstansane som meiner at ei eiga lovregulering av ein rett til å klage og rette førespurnader om oppfylling kan vere unødvendig og uehdlig. Departementet viser til at når det er gjort eit

enkeltvedtak som etablerer rettar for elevane og plikter for skolen, har skolen allereie ei plikt til å etterleve vedtaket. Elevar og foreldre som meiner at skolen ikkje oppfyller denne plikta, står fritt til å ta dette opp med skolen utan at dette må komme fram uttrykkjeleg av lova.

Det følgjer vidare av tvangsfyllbyrdingslova at krav på tenester eller andre naturalytingar overfor ein kommune eller fylkeskommune kan tvangsfyllbyrdast. Praktisk sett vil dette skje ved at det offentlege blir pålagt ei løpende mulkt for kvar dag eller veke som går utan at handleplikta blir oppfylt, jf. tvangsfyllbyrdingslova § 13-14.

I tillegg vil reglane om internkontroll og om tilsyn med kommunane og fylkeskommunane bidra til betre etterleving på systemnivå, sjølv om tilsyn ikkje kan brukast av den enkelte som meiner hen ikkje har fått rettane sine oppfylt i det konkrete tilfellet.

Departementet er samd med *Justis- og beredskapsdepartementet* og andre høyningsinstansar som meinte at alternativet om klagetilgang etter at ein har bede om gjennomføring av vedtak, ikkje vil vere effektivt for at den enkelte eleven skal få oppfylt rettane sine.

Når det gjeld alternativet om ei rein klageordning, er departementet samd med høyningsinstansane som set spørjeteikn ved kva som skal vere konsekvensane dersom eleven får medhald i klage i ei lovfesta ordning, og kva som kan vere moglege utfall av overprøvinga til klageinstansen, kva som kan påleggjast skolen i enkeltvedtak og kva eventuelle sanksjonar skulle vere. Avgjerda av saka vil etter ein klagemodell bli eit enkeltvedtak om gjennomføring av innhaldet i eit anna enkeltvedtak. Dette kan føre til ein uoversiktig prosess, og det vil vere ein viss fare for at innhaldet i det opphavlege vedtaket kan bli endra.

Departementet er samd med *Statsforvaltaren i Vestland* i at ein mogleg negativ konsekvens ved å innføre ein ny mekanisme i desse sakene kan vere at usemjø mellom elevane eller foreldra og skolane eskalerer dersom gjennomføringa av vedtaket må gjennom ei rettsleg vurdering.

Ein annan negativ konsekvens kan vere at skolar, kommunar og fylkeskommunar må bruke tid på å dokumentere og behandle sakene, noko som kan ta ressursar og merksemdu bort frå sjølve opplæringa eller tilrettelegginga. Dette vil igjen kunne ha uheldige verknader for elevane.

På bakgrunn av dette meiner departementet at det ikkje er behov for å særregulere manglande gjennomføring av enkeltvedtak. Elevane og foreldra kan, som elles, ta opp saka si med skolen og/eller krevje tvangsfyllbyrding.

Departementet viser til innspelet frå *Statsforvaltaren i Vestland* som poengterte at dei er usamde i at det har vore ein langvarig forvaltningspraksis som underbyggjer at elevar kan klage på manglande gjennomføring av enkeltvedtak om spesialundervisning. Dette er etter deira meining ikkje ei etablert ordning. Departementet legg til grunn at rettstilstanden no blir tydeleg ved at det blir understreka at det ikkje er ønskjeleg eller behov for å lovfeste ei slik ordning, noko som inneber at det må leggjast til grunn at det framover ikkje er tilgang til å klage. Det skal altså ikkje vere klagetilgang på manglande oppfølging av enkeltvedtak.

Departementet foreslår at retten til eit trygt og godt fysisk skolemiljø etter lovforslaget §§ 12-2 og 12-7 skal følgje separate klagereglar, sjå punkt 33.9 for dei nærmare vurderingane til departementet.

### **59.5.2 Kven som har rett til å klage**

Den som er part eller har rettsleg klageinteresse, kan klage på enkeltvedtak. Eleven vedtaket gjeld for, vil alltid vere part. Når eleven er under 15 år, vil eleven vere representert av foreldra sine. Etter fylte 15 år har elevar sjølvråderett i utdanningsspørsmål og då sjølvstendig klagerett.

For retten til opplæring i og på samisk foreslår departementet å vidareføre at elevane sjølve kan velje om dei vil ha slik opplæring frå 8. trinn, sjå § 3-2 fjerde ledd. Det same blir foreslått for opplæring i kvensk eller finsk og opplæring i og på teiknsspråk, sjå §§ 3-3 og 3-4.

Departementet meiner at denne valretten vil innebere til at elevane har sjølvstendig klagerett frå 8. trinn i slike saker, også om dei ikkje har fylt 15 år. Departementet foreslår dermed å gi elevar som har ein valrett knytt til individuelle opplæringsrettar frå 8. trinn, sjølvstendig klagerett på enkeltvedtak, uavhengig av om dei har fylt 15 år.

### **59.5.3 Kven som er klageinstans**

Departementet meiner at staten i utgangspunktet bør vere klageinstans for vedtak om opplæring i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa. Departementet foreslår at myndet blir lagt til departementet, men legg til grunn at det vil vere tenleg at myndet blir delegert til statsforvaltarane via Utdanningsdirektoratet som i dag. Informasjon frå klagebehandlinga vil vere eit moment i risikovurderinga når statsforvaltarembeta skal vurdere kva kommunar, fylkeskommunar, skolar

eller tema det bør førast tilsyn med, og kvar det trengst rettleiing.

Forslaget inneber at utgangspunktet om kven som er klageinstans blir det same for grunnskolen og vidaregåande opplæring. Det inneber at same vedtakstype som hovudregel skal klagebehandlast på same måten. Det er fleire fordelar med at same typen vedtak blir behandla av same klageinstans. Ein fordel er at det skaper harmoni i regelverket, som er gunstig for dei som skal ta omsyn til lova. Vidare vil det gi moglegheit for meir effektiv saksbehandling. Same organ opparbeider seg kompetanse på det aktuelle området, noko som kan gi raskare og meir treffsikre avgjerder. Fleire av vedtaka vil dessutan kunne gjelde for dei same elevane over fleire år. Kjennskapen klageorganet har til eleven, dokumentasjon og forhistoria kan auka tempoet i saksbehandlinga og også kunne bidra til å lette overgangar mellom ulike skolenivå.

Spørsmålet er om staten bør vere klageinstans for alle enkeltvedtak etter opplæringslova. Departementet meiner skiljet som vart skissert i alternativ 2 i høyringa, slik at staten i utgangspunktet er klageinstans for alle vedtak som gjeld opplæringa, er fornuftig. Dette inneber at klagebehandling av nokre vedtak som gjeld opplæringa i vidaregåande opplæring, blir flytta frå fylkeskommunen til staten. Det gjeld klagar på vedtak om opplæring i og på samisk, opplæring i og på kvensk eller finsk, opplæring i og på norsk teiknspråk og opplæring i punktskrift. Etter dagens reglar ligg desse klagesakene hos fylkeskommunen.

For enkeltvedtak etter reglane i lova som ikkje gjeld opplæring, men som gjeld anna verksemd enn opplæring, til dømes vedtak om skolefritidsordning, leksehjelp og kulturskole, foreslår departementet at kommunen er klageinstans. Det inneber at klagebehandling av denne typen vedtak blir flytta frå staten til kommunen.

Vedtak om skoleskyss og reisefølgje og tilsyn i samband med skoleskyss er nødvendige for opplæringa, og her foreslår departementet, i tråd med alternativ 2, at staten skal vere klageinstans.

Sjølv om klage over vedtak i vidaregåande opplæring om kva utdanningsprogram, programområde eller vidaregåande skole ein søker skal gå på, gjeld opplæringa, ser departementet ikkje grunn til å endre dagens ordning med lokal klagebehandling for desse vedtakstypane. Begge dei høyrde alternativa inneber at fylkeskommunen framleis har ansvaret for desse sakene, og høyringsinstansane har ikkje teke til orde for flytting. Departementet meiner derfor at desse vedtaka framleis skal klagebehandlast av fylkeskommunane.

Departementet er på denne bakgrunnen samd med fleirtalet av dei høyringsinstansane som har uttalt seg, som støttar forslaget om at staten skal vere klageinstans for vedtak etter opplæringslova som gjeld opplæringa med enkelte unntak.

Statleg klageinstans finn ein også for rettar og plikter etter kommunehelsetenestelova, pasient- og brukarrettslova, barnevernslova og sosialnestelova, der statsforvaltaren, eller ei statleg klagenemnd, er klageinstans for avgjerder og enkeltvedtak. I ny barnevernslov, som vart vedteken i Stortinget 14. juni 2021, jf. Prop. 133 L (2020–2021) *Lov om barnevern (barnevernsloven) og lov om endringar i barnevernloven* og Innst. 625 L (2020–2021), er det ikkje vedteke endringar på dette området.

Forslaget til ny fordeling inneber at:

- Kommunen får følgjande oppgåver frå staten: klageinstans i saker som ikkje gjeld opplæring, til dømes vedtak om leksehjelp, kulturskole og SFO.
- Staten får følgjande oppgåver frå fylkeskommunen: klageinstans på enkelte område som gjeld opplæringa, nærmere bestemt vedtak om opplæring i og på samisk, opplæring i og på kvensk eller finsk, opplæring i og på norsk teiknspråk og opplæring i punktskrift, og vedtak om skoleskyss og reisefølgje og tilsyn i samband med skyss.

Departementet foreslår at reglar om klage på vedtak om vurdering framleis skal regulerast i forskrift. Utdanningsdirektoratet sende forslag om reviderte reglar om klage på vedtak om vurdering på høring 17. april 2020, og oppfølginga inngår i arbeidet til direktoratet med ny forskrift til opplæringslova. Reglane om klage på vurdering blir derfor ikkje omtalte nærmare i denne proposisjonen.

#### **59.5.4 Vektlegging av omsynet til det kommunale sjølvstyret i klagesaker om skolebyte**

Departementet foreslår å ikkje vidareføre særregelen om at den statlege klageinstansen skal vektlegge det kommunale sjølvstyret ved prøving av det frie skjønnnet når han behandler klagar på kommunale vedtak om skolebyte.

Departementet meiner at det ikkje er behov for dette unntaket frå forvaltningslova § 34 andre ledd tredje punktum. Det blir ei uryddig ordning dersom det er ulike tersklar for prøving av ulike vedtak etter den nye lova. Departementet meiner at sakar om skolebyte ikkje bør behandlast annleis enn andre avgjerder etter opplæringslova når

det gjeld kor stor vekt klageinstansen skal legge på det lokale sjølvstyret. Den statlege klageinstansen må ikkje leggje avgjerande vekt på det kommunale sjølvstyret, og klageinstansen skal alltid overprøve avgjelder som ikkje er i samsvar med dei alminnelege forvaltningsrettslege prinsippa. Til dømes skal avgjelder ikkje vere openbertyrmelege, og her vil det beste for barnet vere eit sentralt omsyn.

Departementet er samd i at det beste for barnet bør vege tungt i saker om skolebyte, men dette omsynet må uansett vere sentralt i vurderinga til klageinstansen av alle enkeltvedtak og vegast opp mot andre omsyn, som kommunalt sjølvstyre. Det følgjer av dagens reglar, og er også foreslått teke inn i opplæringslova, at det beste for eleven skal vere eit grunnleggjande omsyn ved alle handlingar og avgjelder som gjeld elevar. Klageinstansen har alltid høve til å prøve om avgjelder er i samsvar med dei alminnelege forvaltningsrettslege prinsippa om avgjerdene skal vera saklege, forsvarlege, proporsjonale og rimelege.

## **59.6 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å vidareføre reglane om kva det kan klagast over, men at departementet gir forskrift om saksbehandlinga av saker om det fysiske skolemiljøet etter forslaget til §§ 12-2 og 12-7 første ledd, sjå forslaget til § 12-7 andre ledd

- å vidareføre reglane om kven som har rett til å klage, men å gi elevar som har ein valrett knytt til individuelle opplæringsrettar frå 8. trinn, sjølvstendig klagerett på enkeltvedtak sjølv om dei ikkje har fylt 15 år, sjå forslaget til §§ 3-4 fjerde ledd, 3-3 og 3-4 første ledd
- å innføre ein heimel for departementet til å gi forskrift om kven som skal vere klageinstans for enkeltvedtak om vurdering, sjå forslaget til § 29-1 tredje ledd
- at staten skal vere klageinstans for alle vedtak etter opplæringslova som gjeld opplæringa både i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa, unntek vedtak i vidaregåande opplæring om inntak av gjesteelevar og kva utdanningsprogram, programområde eller vidaregåande skole ein søker skal takast inn på, sjå forslag til § 29-1 første og andre ledd
- at reglane i forvaltningslova om klageinstans skal gjelde for vedtak etter opplæringslova som gjeld anna verksemد enn opplæring, utanom vedtak om skoleskyss og reisefølgje og tilsyn i samband med skyss, sjå forslag til § 29-1 andre ledd første punktum
- å ikkje vidareføre særregelen om vektlegging av det kommunale sjølvstyret ved prøving av det frie skjønnet når staten behandler klager på kommunale vedtak om skolebyte
- ingen særregulering av manglande gjennomføring av enkeltvedtak

## 60 Statleg tilsyn med kommunar og fylkeskommunar

### 60.1 Innleiing

Dette punktet handlar om reglane for tilsynet staten har med at kommunane og fylkeskommunane oppfyller pliktene dei er pålagde etter opplæringslova og internkontrollplikta etter kommunelova. Vidare handlar punktet om tilsynet staten har med andre plikter i lova. Punktet gjer greie for departementets forslag til kva staten kan og skal føre tilsyn med, og kva rammer opplæringslova og kommunelova gir for tilsynet.

Statleg kontroll av om eit vedtak er lovleg (lovlegkontroll), er ikkje tema her. Dette er regulert i kommunelova kapittel 27. Statsforvaltarenes rolle og mynde i klagebehandlinga av enkeltvedtak er regulert i opplæringslova og behandla i punkt 59 om klagetilgang og klageinstans. Reaksjonar ved regelbrot er behandla i punkt 61.

### 60.2 Dagens reglar

#### 60.2.1 Lokalt sjølvstyre

Lokalt sjølvstyre er forankra i Grunnlova § 49 andre ledd, der det står at innbyggjarane har rett til å styre lokale forhold gjennom lokale folkevalde organ. I kommunelova § 2-1 tredje ledd er rammene for det lokale sjølvstyret presisert slik: «Kommunene og fylkeskommunene utøver sitt selvstyre innenfor nasjonale rammer. Begrensniniger i det kommunale og fylkeskommunale selvstyret må ha hjemmel i lov.» Vidare heiter det om prinsipp for lokalt sjølvstyre i kommunelova § 2-2 første ledd: «Det kommunale og fylkeskommunale selvstyret bør ikke begrenses mer enn det som er nødvendig for å ivareta nasjonale mål.»

#### 60.2.2 Statleg tilsyn etter opplæringslova og kommunelova

For å kontrollere at kommunane og fylkeskommunane følgjer reglane i opplæringslova og oppfyller pliktene dei er pålagde, fører staten tilsyn. Kva reglar staten kan føre tilsyn med, står i opplæringslova. Kommunelova gir nærmare rammer for tilsyn med plikter som er pålagde kommunar og

fylkeskommunar og korleis det skal gjennomførast. Ifølgje kommunelova § 30-2 første ledd kan statsforvaltaren føre tilsyn med at oppfyllinga til kommunane eller fylkeskommunane av plikter som dei er pålagde i eller i medhald av lov, er lovleg (lovlegtilsyn). At tilsynet skal vere eit lovlegtilsyn, betyr at myndet til å kontrollere kommunane og fylkeskommunane er underlagt dei same avgrensingane som domstolane. Tilsynsorgana kan ikkje overprøve forvaltingsskjønnet til kommunane og fylkeskommunane. Sjå meir om ulike typar skjønn i punkt 5.

I særlovgivinga må det peikast ut kva reglar eller delar av lova staten skal føre tilsyn med. Dette følgjer av kommunelova § 30-2 andre punktum. I opplæringslova § 14-1 første ledd er det fastsett at statsforvaltaren fører tilsyn med at kommunane og fylkeskommunane oppfyller pliktene dei er pålagde i opplæringslova og forskrifter til lova (kommuneplikter).

Kommuneplikter er i Prop. 46 L (2017—2018) *Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommune-loven)* beskrivne som «plikter som bare er pålagt kommunene, altså der ansvaret er lagt til kommunene som sådan». Kommunane og fylkeskommunane som forvaltningsorgan har mange slike lov-pålagde plikter. Mange av dei er knytte til dei viktigaste velferdsmråda, til dømes barnevern, opplæring og kommunale helse- og omsorgstenester. Myndet til å føre tilsyn med desse pliktene er lagt direkte til statsforvaltaren, jf. kommunelova § 30-2 og opplæringslova § 14-1 første ledd første punktum. Dette er ikkje til hinder for at Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet kan instruere statsforvaltarembeta om korleis tilsynet med kommunepliktene som følgjer av opplæringslova, skal utøvast. Kunnskapsdepartementet har delegert den overordna nasjonale, faglege myndet for tilsynsarbeid til Utdanningsdirektoratet. Det er også Utdanningsdirektoratet som fører tilsyn med privatskolar godkjende etter privatskolelova.

Departementet har i tillegg mynde til å føre tilsyn med andre plikter enn kommunepliktene. Dette følgjer av opplæringslova § 14-1 andre ledd første punktum. Andre plikter enn kommunepliktene er aktørplikter, det vil seie plikter som stiller

krav til alle som driv ein bestemt aktivitet eller tilbyr ei bestemt teneste. På opplæringsområdet kan det til dømes vere opplæring som blir tilbydd av ein privat skole som er godkjend etter opplæringslova.

Regelen om internkontroll i kommunelova § 25-1 tok til å gjelde 1. januar 2021, og internkontrollregelen i opplæringslova vart oppheva frå same dato. I tillegg vart det fjerna nokre systemkrav i andre paragrafer i opplæringslova, sjå Prop. 81 L (2019–2020) *Endringer av internkontrollregler i sektorlovgivningen (tilpasning til ny kommunelov)*. Internkontrollreglane i kommunelova regulerer plikta til internkontroll for kommunal og fylkeskommunal sektor, også på opplæringsområdet. Heimel for tilsyn med internkontrollplikta etter kommunelova er presisert i opplæringslova § 14-1 første ledd.

#### 60.2.3 Saksbehandlingsreglar ved tilsyn

I kommunelova kapittel 30 er det ulike reglar om korleis tilsyn med kommunane og fylkeskommunane skal utførast. Rammene for tilsyn med komunepliktene og aktørpliktene samsvarer i stor grad. Kommunelova § 30-3 gir staten rett til å krevje opplysningar om enkeltsaker, innsyn i dokument og tilgang til skoleanlegg i samband med tilsyn. Vidare gir kommunelova § 30-4 tilsynsmakta heimel til å pålegge kommunane og fylkeskommunane å rette forhold som er i strid med dei reglane staten fører tilsyn med. Kommunelova § 30-5 gir kommunane og fylkeskommunane partsrettar etter forvaltningslova, på linje med andre aktørar. Dette gjeld mellom anna for reglar om enkeltvedtak, klagerett, behandlingsreglar ved pålegg om å gi opplysningar, utsett iversetjing og reglar om gyldigheita til vedtaket.

Før det eventuelt blir vedteke pålegg om retting eller andre reaksjonar med vesentlege verknader for kommunane eller fylkeskommunane, skal tilsynsmakta og den som er det blir gjort tilsyn hos, ha dialog om slike pålegg eller reaksjonar og om oppfølginga frå kommunane eller fylkeskommunane.

Ansvaret til statsforvaltaren for samordning av planlagde tilsyn er gjort tydeleg i kommunelova §§ 30-6 og 30-7. Denne samordninga gjeld alt statleg tilsyn retta mot kommunane og fylkeskommunane og omfattar både komuneplikter og aktørplikter, jf. kommunelova § 30-1. Statlege tilsynsmakter skal i planlegginga, prioriteringa og gjennomføringa si av tilsyn ta omsyn til det samla statlege tilsynet med den enkelte kommunen eller fylkeskommunen og til relevante forvaltningsrevi-

sjonsrapportar. Statsforvaltaren har eit ansvar for å drøfte med kommunane og fylkeskommunane prioritering og gjennomføring av planlagde tilsyn. Plikta omfattar tilsyn som er planlagde, og er ikkje til hinder for at statlege aktørar kan gjennomføre meir uventa tilsyn på bakgrunn av enkelthendingar.

Dersom ein kommune eller fylkeskommune nyleg har vore gjennom kontroll, skal tilsynsmakta vurdere å utsetje eller å ikke gjennomføre tilsyn med det same temaet.

### 60.3 Høyringsforslaget

Departementet foreslo

- å vidareføre dagens regel om at statsforvaltaren kan føre tilsyn med oppfyllinga til kommunane eller fylkeskommunen av plikter som er pålagde i eller i medhald av opplæringslova, og med plikta kommunane og fylkeskommunane har til å ha internkontroll etter kommunelova § 25-1
- å vidareføre dagens regel om statleg tilsyn med andre plikter enn dei pliktene som gjeld for kommunane og fylkeskommunane
- å vidareføre dagens regel om at myndet til å føre tilsyn med aktørpliktene ligg til departementet, med moglegheit for ordinær delegering

Med dette høyringsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 52.

### 60.4 Høyringsinstansanes syn

Det er om lag 15 høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget om å vidareføre at staten kan føre tilsyn med at kommunane og fylkeskommunane oppfyller plikter som dei er pålagde i eller i medhald av opplæringslova, og med plikta kommunane og fylkeskommunane har til å ha internkontroll etter kommunelova § 25-1.

Alle høyringsinstansane som har uttalt seg, støttar forslaget, bortsett frå *Norsk Målungsdom*. Dette gjeld mellom anna *Barneombodet, Statsforvaltaren i Innlandet, Statsforvaltaren i Oslo og Viken, Viken fylkeskommune, Vestfold og Telemark fylkeskommune, Bergen kommune, Lunner kommune, Nissedal kommune, Norsk Lektorlag og Utdanningsforbundet*.

KS skriv at talet på pliktreglar i den nye opplæringslova må vurderast i forhold til prinsippa for

rammestyring av kommunesektoren og til nære leiksprinsippet og proporsjonalitetsprinsippet som er fastsett i kommunelova. Graden av detaljregulering som det blir lagt opp til i forslaget, fråtek etter KS sitt syn kommunen og fylkeskommunen høvet til å velje løysingar som er tilpassa kvar enkelt kommune og fylkeskommune. Ved at det blir lagt opp til tilsyn av rettsreglane, blir det også etter KS sitt syn flytta kompetanse frå kommunane og fylkeskommune til statsforvaltaren. Pliktreglar med tilsyn er ifølgje KS ein drivar for meir dokumentasjon og rapportering, noko som etter deira syn står i motsetning til ønsket til regjeringa om å gi tilsette i offentleg sektor meir tid og tillit.

*Norsk Målungdom* meiner at Språkrådet bør føre tilsyn med språkrettane i opplæringslova. *Norsk Målungdom* uttaler at dei språklege rettane i skolen står i dag i stor grad utan tilsyn. Så langt *Norsk Målungdom* har kjennskap til, har det aldri vore ført tilsyn med rettane nynorskelevane har etter opplæringslova. Statsforvaltaren verkar etter deira syn å vere umedvite eller ha lite kjennskap til oppgåvene sine på dette feltet. *Norsk Målungdom* viser til at Språkrådet har god kompetanse på feltet, og at dei derfor kan følgje opp dette ansvaret på ein god måte.

## 60.5 Departementets vurdering

### 60.5.1 Om det er behov for statleg tilsyn

Departementet foreslår at staten framleis skal ha heimel til å føre tilsyn etter opplæringslova. Forslaget er i tråd med forslaget til opplæringslovutvalet.

Departementet meiner at statleg tilsyn med kommunane og fylkeskommunane er eit nødvendig verkemiddel for å sikre at reglane i opplæringslova blir etterlevde, og at eventuelle regelbrot blir avdekte og retta. Saman med klage- og handhevingsordningar, informasjon, råd og rettleiing og kommunal og fylkeskommunal intern- og eigenkontroll skal statleg tilsyn vere med på å sikre at kommunane og fylkeskommunane oppfyller pliktene sine etter opplæringslova. Desse verkemidla heng saman. Statleg tilsyn har ikkje berre eit kontrollformål, men legg også til rette for god rettleiing, og læring og forbetring i kommunane og fylkeskommunane, og kan vere eit viktig bidrag i lokal kvalitetsutvikling på ulike nivå.

Opplæringslovutvalet peika på ulike utfordringer med dagens lov og regelstyring, som manglande etterleving av regelverket. Tilsyns- og klageverksemrd, rettspraksis, praksis frå Sivilombodet, Riksrevisjonens undersøkingar og rapportar frå

ulike brukargrupper og interesseorganisasjonar gir eit bilet av regeletterlevinga.

Utvalet viste til oppsummeringane frå tilsynet til statsforvaltarembeta tilbake til 2006. Det er avdekt regelbrot hos eit stort fleirtal av aktørane som statsforvaltaren fører tilsyn med. Dette gjeld både felles nasjonale tilsyn som er initierte av Utdanningsdirektoratet med ulike tema, og andre tilsyn statsforvaltaren har ført med kommunane og fylkeskommunane. Funna kan ikkje eintydig takast til inntekt for at det er manglande etterleving i sektoren. Val av tema for tilsynet og tilsynsobjekt (kven det skal førast tilsyn med) er basert på risikovurderingar. Både sjansane for å finne regelbrot og kor alvorlege konsekvensane ved regelbrot er, er vurderingsmoment. Utvalet har også samanlikna regeletterlevinga på opplæringsområdet med andre nordiske land og andre norske sektorar med statleg tilsyn. Tendensen til at det blir avdekt mange regelbrot i opplæringssektoren, er den same i alle dei nordiske landa. Utvalet finn ikkje ut frå kunnskap om tilsyns- og klageverksemrd, rettspraksis, praksis frå Sivilombodet eller Riksrevisjonens undersøkingar at risikoene for regelbrot er høgare i enkelte delar av landet.

Oppsummeringar frå tilsynet til statsforvaltarene dokumenterer mange brot på reglane om skolemiljø og spesialundervisning. Det er likevel usikkert om årsaka er at det faktisk er fleire brot på desse områda enn andre, eller om det kjem av at kontrollen er hyppigare og meir intens. Ein faktor som kan bidra til manglande regeletterleving, er detaljeringsgraden på regelverket i sektoren, i tillegg til den oppstykkja oppbygningen med lovttekst, forskrift, rundskriv og mange tolkingsfråsegner. Departementet meiner ei ny og meir oversiktleg lov og forskrift, saman med støtte til innføring av det nye regelverket, kan bidra til å redusere slike utfordringar.

Dåverande Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) gjennomførte i 2016 ei generell undersøking for å skaffe meir kunnskap om korleis det statlege tilsynet med pliktene til kommunane fungerer. Undersøkinga viser at statsforvaltarembeta og kommunane stort sett opplever at tilsyn er nytige og bidreg til læring og betre kommunale tenester. Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) har i rapport 2020:9 *Statlig tilsyn med kommunene – kartlegging av omfang, samordning og nytte* kartlagt utviklingstrekk i det statlige tilsynet med kommunesektoren for perioden 2016 til 2019, som ei oppfølging av rapporten frå 2016. Kartlegginga viser at både kommunane og statsforvaltarane fortsatt opplever at tilsyn er nytlig, og

bidrar til betre regeletterleving, god kvalitet på tenestene og læring i kommunane.

Oppsummeringane frå tilsynet til statsforvaltane viser at viljen til å rette regelbrot er stor. Til dømes er det i oppsummeringa frå felles nasjonalt tilsyn for åra 2014 til 2017 vist til at 96 prosent av regelbrota blir retta før pålegg om retting blir vedteke. Dette blir også støtta av ein studie frå 2016 om korleis leiatar frå ulike nivå i skolen lojalt følgjer opp påpeikingane til tilsynsmakta (Holm, V.N. og Møller, J. i *Retten til skolen*, Universitetsforlaget 2016). Dette synleggjer behovet for eksternt tilsyn for å sikre rettane til elevane.

### **60.5.2 Kva rammer det skal vere for tilsynet**

#### *Måte å innrette tilsynet på og andre verkemiddel for betre regelverksetterleving*

Departementet foreslår ingen spesielle reglar for korleis tilsynet skal utførast. Dagens opplæringslov har heller ingen slike reglar.

Departementet har ikkje fått innspel om at å innrette tilsynet på ein annan måte enn i dag vil bidra til at reglane i opplæringslova blir etterlevde i større grad. Nedanfor drøftar departementet rammene for tilsynet og kva verkemiddel som kan sikre at regelverket blir etterlevd.

#### *Avgrensingar etter kommunelova*

Kommunelova gir generelle reglar om tilsyn. Tilsynet etter kommunelova er avgrensa til eit lovlegtilsyn, jf. kommunelova § 30-2. Det betyr at dei avgrensingane som gjeld for domstolane, også gjeld for myndet tilsysnorgana har til å kontrollere kommunane og fylkeskommunane. I Grunnlova § 89 er det slått fast at domstolen har rett og plikt til å prøve «om det strider mot Grunnloven eller landets lover å anvende andre beslutninger truffet under utøving av offentlig myndighet». Avgrensingane inneber at tilsysnorgana ikkje kan overprøve lokalt forvaltingsskjønn. Dette følgjer etter forarbeida til kommunelova av legalitetsprinsippet, omsynet til den lokale handlefridommen og rammestyringsprinsippet, sjá Prop. 46 L (2017–2018) *Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommune-loven)*, punkt 27.2.4.

#### *Rekkjevidda av tilsynet*

Når rekkjevidda av tilsynet skal avgjera, må fleire omsyn vegast opp mot kvarandre. På den eine sida av vektskåla er omsynet til lokal og fagleg handlefridom og på den andre sida statleg

kontroll med at praksis er einsarta, og at rettane til elevane og forpliktingane i lova blir oppfylte uavhengig av kvar i landet ein er.

Å utvide tilsynet er likevel ikkje den einaste moglegheita dersom målet er å oppnå betre regelverksetterleving. Andre aktuelle verkemiddel er til dømes klagebehandling av individuelle rettar, handhevingsordninga i skolemiljøsaker og informasjons- og rettleatingsverksemda statsforvaltarane og Utdanningsdirektoratet driv med.

#### *Korleis møte utfordingane med dagens tilsynssystem*

Departementet ser at det i ulike undersøkingar og rapportar er løfta fram utfordingar med dagens tilsynssystem. Mellom anna er det hevda at temaet blir ført tilsyn med, gir lite rom for å sikre gode vurderinger av avveging mellom ulike rettsreglar. Det er også peika på at skjønnsutøving sjeldan er tema i tilsyn, noko som er naturleg når tilsynet er avgrensa til eit lovlegheitstilsyn og forvaltingsskjønn er halde unna tilsynet. Departementet har sett desse innvendingane, men vil peike på at Utdanningsdirektoratet i felles nasjonalt tilsyn for åra 2017 til 2021 har lagt meir til rette for ein kombinasjon av ulike tema enn før for å spisse tilsynet mot meir samansette risikofaktorar. Tilsyn med forpliktingane i lova og rammene for forvaltingsskjønet bidreg også til ein viss overordna kontroll sjølv om ikkje dei konkrete vurderingane blir overprøvd.

Departementet meiner at måten val av tema, tilsysnobjekt og gjennomføring av tilsyn blir innretta på, ikkje bør detaljregulerast i lova. Desse faktorane blir vurderte løpende og blir utvikla slik at verkemiddelet blir mest mogleg treffsikkert og verknadsfullt. Kor godt tilsynet bidreg til regeletterleving, blir dessutan ikkje avgjort aleine av sjølve tilsysnheimelen. Korleis etterleving skal sikrast og tilsyn skal gjennomførast, bør vere viktige moment i utforminga av dei materielle reglane i lova.

Departementet vil presisere at utfordingane som er synleggjorde i kunnskapsgrunnlaget og opplæringslovutvalets NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*, bør inngå som ein styringsparameter i det vidare arbeidet med måten å innrette tilsysnverksemda på.

### **60.5.3 Kva plikter det skal førast tilsyn med**

Departementet foreslår at staten kan føre tilsyn med plikter som er pålagde kommunane og fylkeskommunane, aktørpliktene og plikta kommunen og fylkeskommunen har til å ha internkon-

troll. Dette er i tråd med forslaget frå opplæringslovutvalet.

I denne lovproposisjonen foreslår departementet å vidareføre mange av oppgåvene frå kommunane og fylkeskommunane etter opplæringslova. I tillegg blir foreslått nokre nye oppgåver for kommunane og fylkeskommunane, sjå oversikta i punkt 1.2.3.

Stortinget har lagt til grunn at innføring av statleg tilsyn skal byggje på ein risiko- og vesentleganalyse, og at val av tilsyn som verkemiddel skal kunne forsvarast gjennom ein kost- og nytteanalyse, sjå Prop. 46 L (2017–2018) *Lov om kommuner og fylkeskommuner*, Prop. 128 S (2016–2017) *Kommuneproposisjonen 2018*, Ot.prp. nr. 97 (2005–2006) *Statleg tilsyn med kommunesektoren* og Innst. O. nr. 19 (2006–2007).

Departementet viser vidare til retningslinje 15 i rettleiinga *Statlig styring av kommuner og fylkeskommuner* (2020), som fastslår at statleg tilsyn med kommunane berre skal innførast der det blir rekna som eit nødvendig verkemiddel etter ei risiko- og vesentlegvurdering og ei vurdering av kost–nytte. Dette vart lagt til grunn i Prop. 96 L (2010–2011) *Endringar i opplæringslova og privatskolelova (politiattest m.m.)*.

Gjennomgangen av særlovsheimlar for statleg tilsyn i Meld. St. 7 (2009–2010) *Gjennomgang av særlovshjemler for statlig tilsyn med kommunene* konkluderte med å vidareføre heimelen i opplæringslova til å føre tilsyn med alle kommunepliktene. Konklusjonen vart mellom anna grunngitt med at det er fare for manglande etterleving av opplæringslova, at andre kontroll- og påverknadsmekanismar har vist seg ikkje å vere tilstrekkelege og at skadeverknaden kan vere omfattande.

I Meld. St. 7 (2009–2010) vart det vist til at reglane i opplæringslova skal vareta rettstryggleiken i opplæringa, anten det er tale om rettar for elevane eller andre typar reglar som skal støtte opp om rettane. Det vart derfor lagt til grunn at det kan gå utover rettstryggleiken dersom slike reglar blir brotne. Vidare vart det vist til at opplæringslova er meint å skulle fungere som ein heilskap, noko som mellom anna inneber at dersom ein del av regelverket ikkje blir følgd, vil det også kunne gå utover oppfyllinga av andre delar av det. Som eit døme vart det nemnt at elevane har krav på at opplæringa blir lagd til rette slik at dei har høve til å få tilfredsstilande utbytte av opplæringa. Det kan oppstå problem med å oppfylle dette kravet dersom elevane får opplæringa si i grupper som er for store til at det er pedagogisk forsvarleg.

Departementet legg til grunn at konsekvensane av at krava i lova ikkje blir oppfylde, kan vere store. Som det vart vist til i Meld. St. 7 (2009–2010), skal opplæringslova bidra til å sikre at barn, ungdom og vaksne får god og adekvat opplæring i tråd med Stortingets føresetnad, noko som både skal vareta grunnleggjande behov for den enkelte og nasjonale omsyn elles. Av andre nasjonale omsyn som den lovregulerte opplæringa skal bidra til å vareta, kan nemnast: den demokratiske utviklinga i landet og landets kulturelle nivå, velferd, berekraftig utvikling og evna landet har til å hevde seg internasjonalt. Lova skal vareta rettstryggleiken på eit område av vesentleg betydning for elevane, både under sjølve opplæringsperioden og seinare i livet.

Departementet meiner at funna frå tilsyn framleis gir grunnlag for å trekke den konklusjonen at det er forholdsvis stort sannsyn for at det kan skje brot på opplæringslova og forskriftene til lova. I 2021 vart det gjennomført til saman 142 tilsyn på opplæringsområdet. Tilsyna vart gjennomførte i 114 kommunar. Storleiken på tilsyna varierer ettersom statsforvaltarane tilpassar omfanget på tilsyn til den avdekte risikoen. Det vart gjennomført flest tilsyn med krava til lærartettleik, skolemiljø og spesialundervisning. Statsforvaltarane fann døme på at skolane bryt krava til lærartettleik på eitt eller fleire av hovudtrinna, og at kommunane ikkje sørger for at skolen oppfyller regelverket. Samla vart det avdekt brot på regelverket i 30 prosent av det som vart undersøkt i desse tilsyna. I dei ordinære tilsyna med skolemiljø og tilsyn med spesialundervisning vart det avdekt brot på regelverket i halvparten av det som vart undersøkt. I tillegg vart det gjennomført pilottilsyn for nytt felles nasjonalt tilsyn med skolemiljø og internkontroll. I desse tilsyna vart det avdekt brot på regelverket i om lag 70 prosent av det som vart undersøkt. Departementet presiserer at tema for tilsyn og val av tilsynsobjekt blir gjort på bakgrunn av ei risikovurdering. Funn frå tilsyn gir derfor ikkje eit representativt bilet av praksisen i kommunane og fylkeskommunane.

Etter vurderinga til departementet er tilsyn nødvendig mellom anna fordi erfaring har vist at tilsyn kan avdekkje manglande oppfylling av lovverket som ikkje er fanga opp på annan måte. Den nye opplæringslova er også meint å fungere som ein heilskap, noko som tilseier at tilsynet også bør omfatte dei nye oppgåvene departementet foreslår i denne lovproposisjonen. Mange av oppgåvene inneber nye eller utvida rettar for elevane, dei vaksne eller dei som har lærerid i bedrift, og alle skal sikre eit likeverdig opplæringstilbod. Oppgå-

vene er hovudsakleg knytte til primærtjenesta kommunane og fylkeskommunane skal tilby, nemlig opplæring av høg kvalitet. Departementet meiner derfor at det bør først tilsyn med desse nye rettane og pliktene.

Departementet foreslår på bakgrunn av dette at statsforvaltaren skal kunne føre tilsyn med dei fleste pliktene som er pålagde kommunane og fylkeskommunane i lova og forskrifter gitt med heimel i desse paragrafane. Når det gjeld krav til skolefagleg kompetanse og arbeid med kvalitet vurderer departementet at tilsyn ikkje er eit nødvendig verkemiddel etter ei risiko- og vesentlegvurdering. Departementet foreslår derfor at statleg tilsyn framleis skal omfatte alle pliktene kommunane og fylkeskommunane er pålagde i lova, med unntak av krava som følgjer av nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk og krava til kvalitetsutvikling og skolefagleg kompetanse. Forslaget inneber at tilsynsansvaret ikkje berre omfattar plikter knytt til grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, men også plikter knytt til mellom anna opplæring i bedrift, oppfølgingstenesta, pedagogisk-psykologisk teneste, skolefritidsordninga, skoleskyssen og leksehjelpetilbodet. Det same gjeld tilsynet i kommunane med grunnskoleopplæring i heimen.

#### **60.5.4 Kven som skal føre tilsyn**

Departementet foreslår å vidareføre at myndet til å føre tilsyn med pliktene som er pålagde kommu-

nar og fylkeskommunar skal ligge hos statsforvaltaren. Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet kan instruere statsforvaltarane om korleis tilsynet skal gjennomførast.

Departementet foreslår vidare å vidareføre at tilsynet med dei andre pliktene i lova skal ligge til departementet, med moglegheit for ordinær delegering. Utdanningsdirektoratet fører til dømes tilsyn med private grunnskolar godkjende etter opplæringslova.

### **60.6 Departementets vurdering**

---

Departementet foreslår

- å vidareføre dagens regel om at statsforvaltaren kan føre tilsyn med at kommunane og fylkeskommunane oppfyller pliktene dei er pålagde i lova og eller i forskrift med heimel i lova, med unntak av krav som er pålagt i eller med heimel i § 1-7 om nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk og § 17-12 om skolefagleg kompetanse og kvalitetsutvikling, sjå forslaget til § 29-2 første ledd
- å vidareføre at statsforvalteren kan føre tilsyn med plikta kommunane og fylkeskommunane har til å ha internkontroll etter kommunelova § 25-1, sjå forslaget til § 29-2 første ledd
- å vidareføre dagens regel om at departementet kan føre tilsyn med andre plikter etter lova, sjå forslaget til § 29-2 andre ledd

# 61 Reaksjonar overfor kommunane, fylkeskommunane og tilsette i skolen

## 61.1 Innleiing

Dette punktet handlar om reaksjonar overfor kommunane, fylkeskommunane og tilsette i skolen ved brot på regelverket.

## 61.2 Dagens reglar

### 61.2.1 Pålegg

Ifølgje kommunelova § 30-4 kan statsforvaltaren gi pålegg til kommunen eller fylkeskommunen om å rette forhold som er i strid med dei reglane statsforvaltaren fører tilsyn med. Det følger av opplæringslova § 14-1 at statsforvaltaren fører tilsyn med pliktene som er pålagde kommunane og fylkeskommunane i opplæringslova.

Statsforvaltaren kan etter opplæringslova § 9 A-6 fjerde ledd første punktum vedta kva kommunane eller fylkeskommunane skal gjere i ei konkret sak for å sørge for at ein elev får eit trygt og godt skolemiljø. Statsforvaltaren skal setje ein frist for oppfylling av vedtaket. Sjølv om lovteksten ikkje omtaler dette som eit pålegg, er det heva over tvil at det i innhaldet sitt er det, jf. Prop. 57 L (2016–2017) *Endringar i opplæringslova og friskolelova (skolemiljø)*. Avhengig av kva statsforvaltaren vedtek, vil det vere eit pålegg om retting eller eit pålegg om å gjennomføre bestemte tiltak.

Statleg tilsynsmakt kan også gi pålegg til private aktørar som har forpliktingar (aktørplikter) etter opplæringslova, jf. opplæringslova § 14-1 andre ledd andre punktum.

Eit pålegg er eit vedtak som er juridisk bindande for kommunen eller fylkeskommunen. Det betyr at verksemda har lovmessig plikt til å etteminne komme tiltaka i vedtaket om pålegg. Før statsforvaltaren vedtek eit pålegg etter reglane i kommunelova, skal statsforvaltaren vurdere verknadene pålegget kan ha for resten av verksemda til kommunen eller fylkeskommunen, jf. kommunelova § 30-4 andre ledd.

Pålegg om opphøyr av ulovlege forhold er ikkje ein reaksjon mot lovbroten sånn sett, men

skal bidra til å rette opp lovbroten og blir derfor ikkje rekna som ein administrativ sanksjon, jf. Prop. 62 L (2015–2016) *Endringer i forvaltningslova mv. (administrative sanksjoner mv.)*.

### 61.2.2 Tvangsmulkt

Ved vedtak om tvangsmulkt får pliksubjektet ei plikt til å betale pengar til det offentlege så lenge ei plikt ikkje er etterlevd. Formålet er å sikre at plikter som følgjer av lov, forskrift eller individuelle avgjerder, blir etterlevde. I forvaltningslova § 51 første ledd er det ein generell heimel for forvaltninga til å fastsetje tvangsmulkt:

Et forvaltningsorgan kan, når det er fastsatt i lov, treffen vedtak om tvangsmulkt for å sikre at plikter som følger av lov, forskrift eller individuell avgjørelse, blir etterlevd.

Eit vedtak om tvangsmulkt kan også rettast mot kommunar og fylkeskommunar, men kan ikkje tvangsinndrivast overfor desse. Dette følger av kommunelova § 29-1.

Heimel for tvangsmulkt må finnast i den enkelte særlova. Opplæringslova § 9 A-13 inneholder ein heimel til å bruke tvangsmulkt. Etter paragrafen har statsforvaltaren og klageinstansen (Utdanningsdirektoratet) heimel til å fastsetje tvangsmulkt dersom skolen forsømmer aktivitetsplikta i saker som gjeld det psykososiale skolemiljøet. Ifølgje forarbeida til paragrafen bør tvangsmulkt brukast i saker der det er grunn til å tru at kommunen eller fylkeskommunen elles ikkje vil oppfylle vedtaket til statsforvaltaren eller Utdanningsdirektoratet innan den fastsette fristen, jf. Prop. 57 L (2016–2017) *Endringar i opplæringslova og friskolelova (skolemiljø)*, merknad til § 9 A-13.

### 61.2.3 Straff

Opplæringslova § 9 A-14 gir heimel for å straffe enkeltpersonar som arbeider på ein skole. Den som forsettleg eller grovt aktlaust, og alvorleg

eller fleire gonger, bryt aktivitetspliktene som gjeld det psykososiale skolemiljøet, kan straffast med bøter eller fengsel i opptil tre månader. Dette følgjer av opplæringslova § 9 A-14 første ledd. Aktivitetspliktene gjeld for alle som arbeider på skolen, og den enkelte tilsette kan dermed straffast.

I tillegg kan rektoren straffast for alvorlege eller fleire brot på undersøkingsplikta etter § 9 A-4 tredje ledd og plikta til å setje i verk tiltak etter § 9 A-4 fjerde ledd der «skolen» er rettssubjekt. Det personlege straffansvaret er reservert for situasjonar med auka grad av skuld, ettersom det berre gjeld ved forsettlege og grovt aktklause brot på regelverket.

Skoleeigar kan straffast dersom aktivitetspliktene som gjeld det psykososiale miljøet, er brotne av nokon som handlar på vegner av skolen. Dette følgjer av opplæringslova § 9 A-14 andre ledd og dessutan av straffelova § 27 om straff for føretak. Straffa er bot. Verken skuldkrav eller vilkåret om kvalifisert lovbro gjeld for straff for føretak. Det inneber at kommunen og fylkeskommunen kan straffast sjølv om den enkelte læraren eller rektoren ikkje ville vorte straffa for lovbroten.

#### 61.2.4 Erstatning

Opplæringslova § 9 A-15 viser til at skadeserstatningslova kapittel 2 om ansvaret til det offentlege og andre arbeidsgivarar gjeld for saker om det psykososiale skolemiljøet:

Reglane i lov 13. juni 1969 nr. 26 om skadeserstatning kapittel 2 gjeld for saker om psykososialt skolemiljø etter reglane i dette kapitlet.

Dersom det i saker etter første ledd ligg føre tilhøve som gir grunn til å tru at skoleeiga- ren ikkje har følgt reglane i eller i medhald av kapittel 9 A om psykososialt skolemiljø, skal dette leggjast til grunn med mindre skoleeiga- ren gjer noko anna truleg.

Skadeserstatningslova gjeld for mange samfunnsområde, mellom anna for skolesektoren. Regelen i opplæringslova § 9 A-15 første ledd gir berre informasjon om at dei alminnelege erstatningsreglane i skadeserstatningslova gjeld. Den har ingen sjølvstendig rettsleg betydning.

For at ein elev skal tilkjennast erstatning som følgje av skade på grunn av mobbing eller anna, må alle hovudvilkåra for erstatning vere oppfylte. Det vil seie at det må liggje føre eit ansvarsgrunnlag, skadelidde må ha vorte påført ein skade som har ført til eit økonomisk tap eller ein stor person-

skade, og det må liggje føre pårekneleg årsakssamanhang mellom ansvarsgrunnlaget og den personskaden den skadelidde har vorte påført.

Opplæringslova § 9 A-15 andre ledd inneholder ein Regel om delt bevisbyrde for erstatningskrav i saker som gjeld det psykososiale skolemiljøet. Det betyr at dersom eleven kan leggje fram opplysningar som gir grunn til å tru at reglane om det psykososiale miljøet er brotne, skal dette leggjast til grunn med mindre kommunen eller fylkeskommunen kan sannsynleggjere det motsette. Regelen er eit unntak frå hovudprinsippet i norsk erstatningsrett der bevisbyrda ligg på skadelidde. Delt bevisbyrde gjeld berre ansvarsgrunnlaget, ikkje økonomisk tap og årsakssamanhang, jf. Prop. 129 L (2012–2013) *Endringar i opplæringslova og privatskolelova (spesialundervisning m.m.)*, mellom anna side 51. For erstatningsvilkåra økonomisk tap og årsakssamanhang mellom ansvarsgrunnlaget og tapet er det skadelidde som har bevisbyrda etter dei ordinære bevisreglane.

### 61.3 Høyringsforslaget

Departementet foreslo

- å behalde gjeldande reaksjonar mot kommunar og fylkeskommunar
- å vidareføre reglar om tvangsmulkt, straff og delt bevisbyrde i saker om erstatning i skolemiljøsaker

Med dette høyringsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 53.

### 61.4 Høyringsinstansanes syn

Det er om lag 15 høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget om å ikkje innføre nye reaksjonar mot kommunar og fylkeskommunar. Fleirtalet av dei er usamde i forslaget. *Barneombodet, Utdanningsforbundet, Norsk Lektorlag, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon* og nokre fleire brukarorganisasjonar viser mellom anna til at departementet foreslår å vidareføre reglane om tvangsmulkt knytt til saker om det psykososiale skolemiljøet, og argumenterer for at dagens ordning med tvangsmulkt bør utvidast til å omfatte manglande oppfylling av vedtak om spesialundervisning. Enkelte av dei meiner også at sommel og trenering i kommunal og fylkeskommunal saksbehandling bør gi grunnlag for straffegebyr.

Det er om lag fem høyringsinstansar som har uttalt seg om forslaget om å vidareføre reglar om tvangsmulkt, straff og delt bevisbyrde i saker om erstatning i skolemiljøsaker. Desse støttar forslaget.

## 61.5 Departementets vurdering

Departementet foreslår å vidareføre dagens reaksjonar og ikkje innføre nye. Dette inneber at statsforvaltaren kan gi pålegg til kommunen eller fylkeskommunen om å rette forhold som er i strid med dei reglane som statsforvaltaren fører tilsyn med, jf. kommunelova § 30-4 første ledd. Når det gjeld statsforvaltaren si handheving av plikta til å sikre eit trygt og godt psykososialt skolemiljø i enkeltsaker foreslår departementet å avgrense kompetansen statsforvaltaren har til å vedta kva kommunen eller fylkeskommunen skal gjere for å rette forholdet i saker der aktivitetsplikta ikkje er oppfylt, sjå punkt 33.8.6.

Departementet foreslår å vidareføre reglane om tvangsmulkt, straff og delt bevisbyrde i erstatningssaker om psykososialt miljø, men med språklege endringar. Det følgjer av dagens lov § 9 A-15 første ledd at reglane i skadeserstatningslova gjeld i saker om psykososialt skolemiljø etter reglane i kapittel 9 A. Denne presiseringa er utan sjølvstendig rettsleg betydning. Reglane i skadeserstatningslova vil gjelde i slike saker sjølv om dette ikkje står i opplæringslova. Presiseringa kan også vere misvisande, då det til dømes kan sjå ut som at skadeserstatningslova ikkje gjeld i saker om fysisk skolemiljø. Departementet foreslår derfor å ikkje vidareføre presiseringa om at skadeserstatningslova gjeld.

Kunnskapsgrunnlaget opplæringslovutvalet innhenta, viser at kommunar og fylkeskommunar ikkje alltid etterlevde reglane på opplæringsområdet. Det er ulike årsaker til at reglane ikkje blir følgde, mellom anna er det manglande og ulik forståing av lova. Det er gjennomgåande stor vilje til å etterleve regelverket i sektoren, men ikkje alle anerkjenner funksjonen til regelverket og integrerer reglane i den generelle styringa av skolen. Denne utfordringa kan igjen ha samanheng med at regelverket blir oppfatta som omfangsrikt, oppstykkja og lite treffsikkert.

Departementet er samd med opplæringslovutvalet i at årsakene til regelbrot, og at det stort sett er vilje til å etterleve reglane, taler for at det ikkje er behov for fleire reaksjonar enn i dag. I staden er det viktig å byggje på og forbetre dei reaksjons-

ordningane som allereie finst i opplæringslova. Førebygging av lovbroten med tydeleg og treffsikkert tilsyn og rettleiing er effektive verkemiddel som i stor grad vil gagne elevane direkte.

Nokre høyringsinstansar trekker fram at elevane ikkje alltid får den tilrettelegginga dei har krav på. Departementet er samd i at det er viktig at elevar som treng tilrettelegging av pedagogisk, fysisk, teknisk eller praktisk art, faktisk får dei lovfesta rettane sine oppfylt til rett tid.

I saker der det ikkje er gjort enkeltvedtak sjølv om eleven og foreldra har bede om dette, kan eleven eller foreldra vende seg til skolen, kommunen eller fylkeskommunen og be om at førespurnaden eller søknaden blir svart på. Dersom ikkje dette gir resultat, er det mogleg å klage til Sivilombodet over manglande svar. Skolen har vidare plikt til å samarbeide med foreldra om opplæringa til eleven, sjå forslaget til § 10-3, og eleven sjølv skal også få medverke, sjå forslaget til § 10-2. Dette bør leggje grunnlaget for dialog mellom skole og heim om opplæring og tilrettelegging.

For tilfelle der elevane ikkje har krav på enkeltvedtak, men meiner at det ligg føre eit brot på nokon av pliktene etter opplæringslova, kan dette meldast til statsforvaltaren som kan vurdere å opprette tilsyn. Tilsyn med pålegg om retting, eventuelt saman med rettleiing, kan vere verkemiddel som både kan rette opp igjen og sikre at pliktene i lova blir oppfylte. Supplert av forslaget om å samle reglane om informasjonsplikta til forvaltninga overfor elevar og foreldre i forslaget § 10-8 og plikta til å vurdere om elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, i § 11-2, meiner departementet at dette samla sett gir tilstrekkeleg vern.

Når det gjeld enkeltvedtak som ikkje blir følgde opp etter innhaldet sitt, til dømes eit vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring, viser departementet til punkt 59 om klagetilgang og klageinstans.

Når det gjeld saker om det psykososiale skolemiljøet, meiner departementet det er tenleg med delt bevisbyrde, og foreslår å vidareføre dette. Det er ingen høyringsinstansar som er imot dette.

## 61.6 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å vidareføre reaksjonsmoglegheitene mot kommunar og fylkeskommunar, sjå forslaget til § 29-2, jf. kommunelova kapittel 30

- å vidareføre reglar om tvangsmulkt, straff og delt bevisbyrde i saker om erstatning i skolemiljøsaker, men å ikkje innføre nye særreglar i opplæringslova, sjå forslaga til §§ 12-8, 12-9 og 12-10

## 62 Avgjelder på vegner av barnet når barnevernstenesta har overteke omsorga

### 62.1 Innledning

Dette punktet handlar om kven som kan ta avgjelder om opplæring mv. på vegner av barnet når barnevernstenesta har overtatt omsorga.

### 62.2 Dagens reglar

Dersom barnevernstenesta har overteke omsorga etter barnevernslova § 5-1, som tek til å gjelde 1. januar 2023, har ho retten til å ta avgjelder på vegner av barnet, jf. opplæringslova § 15-6 første ledd. Tilsvarande gjeld ved vedtak om flytteforbod etter barnevernslova § 4-3 og vedtak om plassering etter barnevernslova § 4-2. I dette punktet blir det for å gjere det enkelt vist berre til omsorgsovertaking.

Barnevernstenesta har mellom anna rett til å samtykkje til spesialundervisning, søkje om ein annan offentleg skole enn nærskolen og ta avgjelder om skyss eller innlosjering. Vidare er det barnevernstenesta som tek avgjelder og opptrer på vegner av eleven i alle typar skolesaker som er ein del av den daglege oppfølginga av eleven.

Det er likevel foreldra til barnet som har rett til å velje privat skole, jf. § 2-1, samtykkje til fritak frå heile opplæringsplikta, jf. § 2-1, velja målform, jf. § 2-5, krevje fritak frå aktivitetar i opplæringa av omsyn til religionen eller livssynet til barnet, jf. § 2-3 a, og krevje opplæring i kvensk eller finsk og i og på samisk, jf. §§ 2-7 og 6-2. Dette følgjer av opplæringslova § 15-6 andre ledd. Paragrafen har ikkje betydning for kva tilfelle og saker eleven sjølv kan ta avgjelder i. Paragrafen har heller ingen betydning for forholdet mellom barnevernstenesta og fosterforeldre eller barnevernsinstitusjon. Paragrafen har ikkje konsekvensar for kven som kan klage på enkeltvedtak etter opplæringslova.

### 62.3 Høyringsforslaget

I høyringa foreslo departementet å vidareføre reglane om kven som kan ta avgjelder på vegner av barnet i skolesaker når barnevernet har overteke omsorga.

Med dette høyringsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 43.5.

### 62.4 Høyringsinstansanes syn

Det er berre *Utdanningsforbundet* som har uttalt seg om forslaget om å om kven som kan ta avgjelder på vegner av barnet i skolesaker når barnevernet har overteke omsorga. *Utdanningsforbundet* støttar departementets forslag.

### 62.5 Departementets vurdering

Departementet foreslår å vidareføre reglane om kven som kan ta avgjelder på vegner av barnet i skolesaker når barnevernet har overteke omsorga.

Det er viktig at det er klart kven som kan ta avgjelder på vegner av eit barn etter ei omsorgsovertaking, for at barnet skal kunne nyttiggjere seg rettane etter opplæringslova med forskrifter.

Departementet har vurdert om det er nødvendig med reglar om dette i opplæringslova, eller om dette er ei unødig dobbeltregulering av forhold som uansett følgjer av andre lover. Barnevernslova regulerer omsorgsovertaking, flytteforbod og dei andre vedtaka som opplæringslova § 15-6 viser til. Den overordna mynde- og ansvarsdelinga mellom barnevernstenesta og foreldra følgjer av barnevernslova. Barnevernslova regulerer derimot ikkje kven som kan ta dei ulike avgjerdene i skolesaker på vegner av barnet. Det er derfor slik departementet ser det, behov for eigne reglar om kven som kan ta ulike avgjelder i skolesaker.

Departementet meiner at reglane er meir til gjengelege for dei tilsette i skolen dersom reglane er plasserte i opplæringslova enn i barnevernlova. Dessutan vil det vere lite tenleg å regulere alle avgjelder på ulike sektorområde i barnevernlova. Det er også reglar om kompetansen til barnevernstenesta til å samtykkje på vegner av barnet i pasient- og brukarrettslova.

## **62.6 Departementets forslag**

---

Departementet foreslår å vidareføre regelen om kven som kan ta avgjelder på vegner av barnet i skolesaker når barnevernet har overteke omsorga, sjå forslaget til § 24-4.

## 63 Reklame i skolen

### 63.1 Innledning

Dette punktet handler om reguleringen av reklame i skolen.

### 63.2 Dagens reglar

#### 63.2.1 Opplæringslova

I opplæringslova § 9-6 er følgjande fastsett:

Skoleeigaren skal sørge for at elevane ikkje blir utsette for reklame som er eigna til å skape kommersielt press, eller som i stor grad kan påverke holdningar, åtferd og verdiar, mellom anna på skolens område, i lærebøker og andre lærermiddel som blir nytta i opplæringa. Departementet kan gi nærmare forskrifter.

Det er ikkje gitt reglar i forskrift med heimel i paragrafen. Det er ikkje tillate med noka form for reklame som skoleeigar meiner kan ha uheldig påverknad på elevane, men skoleeigar kan tillate reklame som ikkje er skadeleg, jf. forarbeida til paragrafen i Ot.prp. nr. 41 (2006–2007) *Om lov om endringar i opplæringslova og friskolelova*, merknad til § 9-6. Forbodet er fleksibelt ved at vurderinga av kva som er uønskt eller uheldig påverknad, vil variere ut frå alder og modnad hos elevane. Forarbeida understrekar at det er skoleleiarane og lærarane som er dei nærmaste til å vurdere kva som fell inn i kategoriane som forbodet gjeld.

Utdanningsdirektoratet har gitt ut ei rettleiing om reklameforbodet i skolen. Denne vart sist endra i 2011. I rettleiinga er det døme på kva som er tillaten og forboden reklame i skolen. Logoekspansjonering frå ein leverandør av mjølkeprodukt til skolekantina er til dømes tillaten. Reklameplakatar for brus og klesmerke er brukte som døme på reklame som blir ramma av forbodet. Vidare står det at brosjyrar og invitasjonar av kommersiell art alltid er forbodne. Reklame for lokalt kulturliv og elevinitierte aktivitetar er derimot tillatne. Det er også enkelte arrangement der skolen deltek, som

innehold reklame, som i praksis er akseptert, til dømes Tinestafetten.

#### 63.2.2 Marknadsføringslova

Marknadsføringslova har ikkje eit generelt forbod mot å rette marknadsføring mot barn, men «urimeleg handelspraksis» er forboden, og marknadsføring må ikkje stri mot «god markedsføringskikk», jf. marknadsføringslova §§ 2 og 6. Ein handelspraksis er urimeleg dersom han stirr mot god forretningsskikk overfor forbrukarar og er «egnet til vesentlig å endre forbrukernes økonomiske atferd slik at de treffer beslutninger de ellers ikke ville ha truffet».

I vurderinga av om ein handelspraksis er urimeleg, skal ein leggje vekt på om handelspraksisen er særskilt retta mot barn, jf. marknadsføringslova § 20. Når handelspraksisen blir retta mot barn eller elles kan sjåast eller høyrist av barn, skal det visast særleg varsemd med tanke på at barn er lettpåverkelege, manglar erfaring og er naturleg godtruande. Det skal også leggjast vekt på om handelspraksisen på grunn av art eller produkt er eigna til å påverke barn, og om den næringsdrivande kan forventast å føresjå at barn er særleg sårbar for praksisen. Det er forbode å ta med i reklame direkte oppmodingar til barn om å kjøpe annonserte varer eller tenester eller overtale foreldra eller andre vaksne til å kjøpe dei annonserte ytingane til dei.

Pliktene i marknadsføringslova rettar seg mot næringsdrivande. Næringsdrivande er definerte som ein fysisk eller juridisk person som utøver næringsverksemd, og alle som handlar i namnet til denne eller på vegner av denne, jf. marknadsføringslova § 5. Næringsverksemda treng ikkje å vere profitbasert. Når ideelle organisasjonar sel produkt, er det å rekne som næringsverksemd sjølv om inntektene går til det ideelle formålet. Grensa mellom når frivillige organisasjonar held innsamling av pengar og sel produkt, kan vere flytande, og det må vurderast konkret om det er næringsverksemd.

### 63.3 Høyringsforslaget

I høyringa foreslo departementet å vidareføre reglane om reklame i skolen i den nye opplæringslova og å gjere tydeleg innhaldet i reglane i forskrift eller i oppdatert rettleiingsmateriell, slik at det blir lagt til rette for lik praksis på skolane.

Med dette høyringsforslaget følgde departementet ikkje opp forslaget frå opplæringslovutvallet i NOU 2019: 23, kapittel 43, om å fjerne reglane om reklame i skolen.

### 63.4 Høyringsinstansane syn

Seks høyringsinstansar har uttalt seg om forslaga knytte til reglane om reklame i skolen. Høyringsinstansane støttar i all hovudsak ei vidareføring av reglane om reklame i skolen og å gjere tydeleg innhaldet i reglane i forskrift eller i oppdatert rettleiingsmateriell.

*Utdanningsdirektoratet* meiner at dersom forholdet i all hovudsak blir regulert av andre regelverk, og uansett ikkje blir sett på som problematisk i praksis, at det ikkje er behov for ein særregulering for enkelte særtilfelle. Dette gjeld til dømes forbod mot reklame.

### 63.5 Departementets vurdering

Departementet foreslår å vidareføre forbodet mot reklame i skolen.

Departementet meiner det er viktig at barn og unge ikkje blir utsette for kommersielt press eller annan utilbørleg påverknad i skolen. Dette kan til dømes gjelde kommersielt press frå aktørar innanfor russeindustrien. Departementet ønsker også å avgrense kommersiell utnytting av personopplysningane til elevane og redusere reklamepresset i tenestene skolane bruker i undervisninga.

Departementet har vurdert om det er nødvendig å regulere dette særskilt i opplæringslova, ettersom opplæringslova og marknadsføringslova delvis vil overlappe kvarandre og regelsetta ikkje gir opp noka klar grense for kva som er tillate og forbode.

Departementet er samd med høyringsinstansane i at reklameforbodet i opplæringslova er eit nødvendig supplement til dei generelle reglane i marknadsføringslova.

Departementet viser til at det går eit skilje mellom reglane i opplæringslova og marknadsføringslova når det gjeld kven reglane rettar seg mot. Reglane i marknadsføringslova gjeld for dei

næringsdrivande som reklamerer for produkta, medan reglane i opplæringslova rettar seg mot kommunane og fylkeskommunane som ansvarlege for skoleverksemda. Departementet meiner at ein særregel om reklame i opplæringslova vil sikre eit meir effektivt vern av elevane mot kommersielt press og annan utilbørleg påverknad fordi kommunane og fylkeskommunane kan stanse reklamen før han når elevane. Forbrukartilsynet kan derimot berre gripe inn overfor marknadsføring som allereie har komme ut. Ei særregulering som gjer det mogleg å vere i forkant, forhindrar i større grad at barn blir utsette for uønskt og ulovleg reklame, enn om regelverket berre baserer på etterfølgjande inngrep etter marknadsføringslova. Endå eit argument for å behalde regelen i opplæringslova er at kommunane og fylkeskommunane er nærare å oppdage uønskt reklame i skolen enn Forbrukartilsynet.

Vidare varetok reglane i marknadsføringslova og opplæringslova til dels ulike omsyn. Opplæringslova seier at elevane ikkje skal utsetjast for reklame som er eigna til å skape «kommersielt press». Rettleiinga definerer «kommersielt press» som reklame i vid forstand som kan føre til kjøpepress blant elevane, til dømes plakatar som reklamerer for brus og klesmerke. Grunngivinga for regelen er ønsket om at skolen skal vere eit ikkje-kommersielt miljø for elevane. Reglane i marknadsføringslova skal forhindre praksis som reduserer evna forbrukarane har til å ta ei informert avgjerd. Reglane er meint å ramme dei tilfella der næringsdrivande påverkar forbrukarar til å kjøpe ei yting ved å gi denne eigenskapar ho ikkje har, ved å gi ufullstendige opplysningar om pris eller ved å framstille eit tilbod som unikt eller kortvarig sjølv om det i realiteten ikkje er eit spesialtilbod. Departementet viser til at omsynet til å unngå kommersielt press mot elevar er noko anna enn omsynet til at forbrukarar skal kunne ta ei informert avgjerd. Etter vurderinga til departementet vil reklame derfor kunne skape kommersielt press i strid med opplæringslova, utan at praksisen treng å vere i strid med marknadsføringslova.

Opplæringslova forbyr også reklame som «i stor grad kan påvirke holdninger, atferd og verdier». Reklame som blir ramma av dette alternativet i opplæringslova, kan også vere i strid med marknadsføringslova § 2, ettersom «god markedsføringsskikk» rettar seg mot etiske og moralske aspekt i marknadsføringa. Forbrukartilsynet påpeikar likevel at terskelen for å konstatere at noko stirr mot lova, synest å vere høgare i marknadsføringslova enn i opplæringslova.

Forbrukartilsynet har også vist til at dei får førespurnader frå personar som reagerer på reklame som framstiller gutter og jenter på ein kjønnsstereotyp måte, mellom anna i leiketøyskatalogar, reklameplakatar og reklamevideoar. Som regel gir ikkje reklamen noko nedverdigande bilet av nokon av kjønna, og han blir derfor ikkje ramma av forbodet mot kjønnsdiskriminerande reklame i marknadsføringslova. Ein slik type marknadsføring er likevel uheldig i eit likestilingsperspektiv fordi det underbyggjer tradisjonelle stereotypiar om kjønn. Denne typen reklame vil etter vurderinga til departementet kunne rammast av reglane i opplæringslova. I rettleiinga blir det mellom anna vist til reklame om «hvordan jenter eller gutter skal være, kle seg og oppføre seg» som eit døme på reklame som kan rammast av reglane.

Departementet meiner at kommunane og fylkeskommunane bør ha ei meir vidtgåande plikt til å verne elevar mot reklame enn næringsdrivande

har etter marknadsføringslova. Det følgjer av paragrafen om formålet med opplæringa og overordna del av læreplanverket at skolane skal fremje haldningars som sikrar verdiar som likeverd og likestilling. Skolen skal ta omsyn til mangfaldet av elevar og legge til rette for at alle får oppleve tilhøyrsel i skolen og samfunnet. Skolen skal også bidra til at kvar elev kan vareta og utvikle identitet sin i eit inkluderande og mangfaldig fellesskap. Slik departementet ser det, tilseier desse verdiane at skoleigar bør sørge for at elevane ikkje blir utsette for reklame som kan skape kommersielt press, eller som i stor grad kan påverke haldningar, oppførsel og verdiar medan dei er på skolen.

### **63.6 Departementets forslag**

---

Departementet foreslår å vidareføre reglane om reklame i skolen i den nye opplæringslova, sjå forslaget til § 27-1.

## **64 Forsøk**

### **64.1 Innleiing**

Dette punktet handlar om høve til å gjennomføre forsøk på lokalt og sentralt initiativ og korleis reguleringa av forsøksverksemd i opplæringslova bør vere.

### **64.2 Dagens reglar**

#### **64.2.1 Opplæringslova**

Opplæringslova § 1-5 gir Kunnskapsdepartementet høve til å innvilge forsøk:

Departementet kan etter søknad frå kommunen eller fylkeskommunen gi løyve til at det blir gjort avvik frå lova og forskriftene etter lova i samband med tidsavgrensa pedagogiske eller organisatoriske forsøk.

Det kjem fram av Innst. O. nr. 70 (1997–98) at formålet med regelen er å leggje til rette for skoleutvikling og å gi kommunar og fylkeskommunar høve til å prøve ut nye pedagogiske og organisatoriske løysingar. Regelen fastsett at forsøk kan innvilgast «etter søknad frå kommunen eller fylkeskommunen». I praksis er regelen forstått som ein heimel for både lokalt og sentralt initierte forsøk. Ved sentralt initierte forsøk blir kommunar inviterte til å delta i forsøk som er utvikla og blir evaluerte sentralt.

Utdanningsdirektoratet har fått delegert myndet til å vurdere søknader om forsøk. I rundskrivet til direktoratet 3-2013 er det gitt rammer for å innvilge forsøk med heimel i opplæringslova § 1-5. Rundskrivet presiserer at formålet med eit forsøk må vere å finne ut kva ein sjølv og andre kan lære ved å prøve ut alternative ordningar på det aktuelle området. Det må vidare vere rimeleg grunn til å tru at forsøket totalt sett kan føre til ei opplæring som er betre for elevane. Vidare blir det presisert at det ikkje vil bli innvilga forsøk som kan innebere inngrep i enkeltindivid sine grunnleggjande rettar og plikter, eller som kan stri mot Noregs folkerettslege forpliktingar.

#### **64.2.2 Forsøkslova**

Forsøkslova gjeld for forsøk i statleg, fylkeskommunal og kommunal forvaltning. Lova skal mellom anna utvikle funksjonelle og effektive organisasjons- og driftsformer i den offentlege forvaltninga og tenleg oppgåvefordeling mellom forvalningsorgan og mellom forvaltningsnivå, jf. forsøkslova § 1.

Forsøkslova § 4 gir fleire avgrensingar i høve til å drive forsøk. Mellom anna er det ikkje høve til å godkjenne forsøk som fører til innskrenking av rettar eller utviding av plikter som enkeltpersonar har etter gjeldande lover.

Enkelte forsøk i opplæringssamanheng kan falle inn under forsøkslova.

#### **64.2.3 Universitets- og høgskolelova**

Det kjem fram av § 1-2 fjerde ledd i universitets- og høgskolelova at

[d]epartementet kan, etter innstilling fra styret, vedta at det kan gjøres avvik fra loven og forskriftene til loven i forbindelse med tidsavgrensede pedagogiske eller organisatoriske forsøk.

Det kjem fram av forarbeida til lova, Ot.prp. nr. 75 (1998–99) *Om lov om endringer i lov av 12. mai 1995 nr. 22 om universiteter og høgskoler*, at forsøksheimelen er «utarbeidet etter samme mal som hjemmelen i [opplæringsloven]».

### **64.3 Høyringsforslaget**

I høyringa foreslo departementet

- å vidareføre høve departementet har til å godkjenne tidsavgrensa forsøk etter søknad frå kommunen eller fylkeskommunen
- å presisere i lova at departementet kan ta initiativ til tidsavgrensa forsøk
- å presisere i lova at forsøk må vere fagleg underbygde, og at forsøket skal evaluerast og rapporterast

- å presisere i lova at det ikkje kan gjennomførast forsøk som svekkjer dei grunnleggjande rettane elevar har etter lova

Med dette høringsforslaget følgde departementet opp forslaget frå opplæringslovutvalet i NOU 2019: 23, kapittel 43.

## 64.4 Høringsinstansane syn

Om lag ti høringsinstansar har uttalt seg om forslaga om regulering av forsøksverksemd. Alle høringsinstansane som har uttalt seg, støttar forslaga. Blant dei er *Viken fylkeskommune*, *Bergen kommune*, *Lunner kommune*, *Nittedal kommune*, *Time kommune*, *Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)*, *Norsk lektorlag* og *Utdanningsforbundet*.

*Utdanningsforbundet* uttaler at gjennomførte forsøk må evaluera eksternt.

KS meiner paragrafen om forsøk ikkje hører saman med reglane om klageinstans og tilsyn og at paragrafen bør flyttast til kapittel 14 *Organisering av opplæringa* eller til eit utvida kapittel 28 *Ansvaret til kommunen, fylkeskommunen og staten*.

## 64.5 Departementets vurdering

### 64.5.1 Reguleringa av forsøksverksemd

Departementet meiner det framleis bør vere ein heimel i opplæringslova som opnar for at forsøk kan takast i bruk som eit utviklingsverktøy. Forsлага om regulering av forsøksverksemd blir støtta av alle høringsinstansane som har uttalt seg, og er i tråd med forslaget frå opplæringslovutvalet. Etter høriringa har departementet gjort enkelte justeringar i lovteksten.

Formålet med forsøk er å etablere eit erfarringsgrunnlag for å finne ut om nye eller alternative pedagogiske eller organisatoriske løysingar kan bidra til ei opplæring som er betre for elevane. Det overordna målet med forsøksverksemda må dermed vere å finne betre løysingar for opplæringssituasjonen til elevane, noko som igjen kan føre til endringar i regelverket.

Departementet understrekar at heimelen ikkje bør brukast berre med den grunngivinga at dei vanlege reglane ikkje passar i den situasjonen ein står overfor, og at forsøksordninga ikkje skal oppfattast og nyttast som ein ordinær unntaksheimel eller få karakter av å vere ein dispensasjonsheimel. Det bør derfor framleis vere presisert i lova at forsøk skal vere tidsavgrensa. Departementet meiner at det ikkje er tenleg med ei nærare

avgrensing av varigheita til forsøket, mellom anna fordi at mange forsøk vil innebere å følgje elevkull over fleire år.

Forsøksheimelen gjeld i utgangspunktet alle reglane i opplæringslova og alle forskriftsreglane som er gitt med heimel i opplæringslova. Departementet vurderer at det i tråd med gjeldande praksis bør presiserast i lova at det ikkje skal vere mogleg å gjennomføre forsøk som inneber avvik frå dei grunnleggjande rettane til elevane etter lova. Dette er ei absolutt avgrensing og bør gå fram av lovteksten. Departementet meiner det også bør gjerast tydeleg i lova at forsøka skal vere etisk forsvarlege.

Departementet meiner det må vere mogleg å lære av gjennomførte forsøk. Departementet foreslår å gjere det tydeleg i lovteksten at forsøka skal vere godt fagleg underbygde, og at forsøka skal evaluerast og rapporterast. Til *Utdanningsforbundets* innspel om at forsøk må evaluerast eksternt, meiner departementet at det i dei fleste tilfelle vil vere tenleg med ei ekstern evaluering av gjennomførte forsøk for å sikre at forsøka gir eit tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere om regelverket bør endrast. Departementet meiner likevel at det ikkje bør stillast eit absolutt krav om at forsøket skal evaluerast eksternt.

Departementet vil understreke at forsøksheimelen ikkje gir ein rett til å få innvilga forsøk. Det kan derfor stillast nærmare vilkår for godkjenning av eit forsøk enn det som går fram av lovregelen.

Dagens regel blir forstått som ein heimel for både lokalt og sentralt initierte forsøk. Departementet meiner det bør gå fram av lovteksten at det kan gjennomførast sentralt initierte forsøk. I slike tilfelle inviterer dei sentrale styresmaktene kommunar og fylkeskommunar til å delta i forsøket. Departementet understrekar at regelen ikkje gir heimel til å påleggje kommunar og fylkeskommunar å delta i forsøk.

Departementet meiner at regelen om forsøksverksemd bør skiljast frå reglane om ansvarsdelinga i kapittel 28 og frå reglane om organiseringa av opplæringa i kapittel 14. Departementet foreslår å plassere paragrafen i kapittel 29 i lova.

### 64.5.2 Forholdet til forsøkslova

Forsøkslova er ei generell lov som gir heimel til å gjennomføre forsøk i den offentlege forvaltninga. Lova kan gi heimel for forsøk som eit ledd i å utvikle funksjonelle og effektive organisasjons- og driftsformer i den offentlege forvaltninga og å få ei tenleg oppgåvefordeling mellom forvaltningsorgan og mellom forvaltningsnivå. Lova skal bidra

til ei betre offentleg tenesteyting overfor borgarane, best mogleg utnytting av ressursar og gode demokratiske styringsformer. Gjennom forsøkslova kan det bli iverksett forsøk om oppgåvefordeling mellom ulike forvaltningsorgan og mellom forvaltningsnivå. Forsøkslova gjeld i utgangspunktet alle sektorar og opnar med det for at det kan bli innvilga forsøk som går på tvers av sektrar.

Dei forsøka som kan bli sett i gang med heimel i forslaget til regelen om forsøk i opplæringslova, vil også falle inn under verkeområdet til forsøkslova. Forsøkslova har eit vidare formål og verkeområde og kan til dømes gi heimel til forsøk om oppgåvefordeling eller forsøk som vedkjem fleire sektorar. Framgangsmåten for godkjenning av forsøk etter opplæringslova er enklare enn for forsøk som godkjennast etter forsøkslova, mellom anna blir det normalt ikkje fastsett lokale forskrifter for dei enkelte forsøka etter opplæringslova. Departementet meiner heimelen om forsøk i opplæringslova i hovudsak skal brukast til pedagogiske forsøk eller mindre organisatoriske forsøk.

## **64.6 Departementets forslag**

---

Departementet foreslår

- å vidareføre høve departementet har til å godkjenne tidsavgrensa forsøk etter søknad frå kommunen eller fylkeskommunen, sjå forslaget til § 29-3 første punktum
- å presisere i lova at departementet kan ta initiativ til tidsavgrensa forsøk, sjå forslaget til § 29-3 første punktum
- å presisere i lova at forsøk må vere fagleg underbygde, og at forsøket skal evaluerast og rapporterast, sjå forslaget til § 29-3 andre og tredje punktum
- å presisere i lova at det ikkje kan gjennomførast forsøk som svekkjer dei grunnleggjande rettane til elevane etter lova, sjå forslaget til § 29-3 andre punktum

## 65 Private grunnskolar som ikkje får statsstøtte

### 65.1 Innleiing

Dette punktet handlar om private grunnskolar som blir godkjende etter reglane i opplæringslova, og om kva reglar som skal gjelde for desse skolane. Private grunnskolar godkjende etter opplæringslova får ikkje statstilskot. Punkt 66 omhandlar privatskolelova og private skolar som blir godkjende med rett til statstilskot.

### 65.2 Dagens reglar

#### 65.2.1 Noregs internasjonale forpliktingar

Noreg har ved å tiltre fleire konvensjonar teke på seg plikter som vedkjem private skolar. I dette kapittelet er det særleg relevant å vise til retten til å velje ei anna utdanning enn den offentlege. Denne retten er nedfelt i mellom anna Europarådets konvensjon 4. november 1950 om vern av menneskerettane og dei grunnleggjande fridommane (EMK), FNs konvensjon 16. desember 1966 om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar (ØSK) og Dei sameinte nasjonanes internasjonale konvensjon 16. desember 1966 om sivile og politiske rettar (SP). Kunnskapsdepartementet har lagt til grunn at det i EMK artikkel 2 truleg må tolkast inn ein rett til å starte og drive skole. I Ot.prp. nr. 43 (2005–2006) uttalte departementet mellom anna dette:

Departementet legger etter dette til grunn at det trolig følger en forpliktelse fra EMK protokoll 1 artikkel 2 til å tillate at foreldre velger alternative skoler ut fra deres religiøse eller filosofiske overbevisning, og dermed at slike skoler kan starte og drive. Det er et lenge verdsett prinsipp i norsk utdanningspolitikk at foreldre skal ha rett til å velge alternative skoleløsninger. I norsk rett er denne forpliktselen oppfylt ved at private grunnskoler kan godkjennes etter opplæringsloven § 2-12.

#### 65.2.2 Opplæringslova

Det følgjer av opplæringslova § 2-1 at alle barn i Noreg har rett og plikt til grunnskoleopplæring frå det kalenderåret dei fyller seks år, og til dei har fullført det tiande skoleåret. I det første ledet andre punktum i paragrafen står det at «plikten kan ivaretakast gjennom offentleg grunnskoleopplæring eller gjennom anna, tilsvarande opplæring».

I det følgjande er den nærmere omtalen av reglane i opplæringslova som gjeld for private grunnskolar avgrensa til dei reglane som er relaterte til vurderingane og forslaga frå departementet.

Det står i § 2-12 første ledd at alle private grunnskolar må ha godkjenning, og at slik godkjenning skal givast til skolar som oppfyller krava i det andre og tredje ledet i paragrafen. Krava kjem fram som ei opplisting av kva for nokre av paragrafane i lova som også gjeld for dei private grunnskolane. Paragraf 2-12 andre, tredje og fjerde ledd lyder:

§§ 1-1, 1-3, 2-3, 2-3a og 2-4 i lova med forskrifter gjeld for innhaldet og for vurdering i privat grunnskole så langt reglane ikkje kjem i strid med Noregs folkerettslege plikter.

For private grunnskolar gjeld også § 2-2, § 2-5 første, andre, tredje og sjette ledd, §§ 2-11, 2-12a, 8-2, 9-1, 9-2, 9-3, 9-4, 9-5, 9-6 og 9-7, kapittel 9 A, §§ 10-1, 10-2, 10-6, 10-6a, 10-9, 11-1, 11-2, 11-4, 11-7, 11-10, 13-3b, 13-3e, 13-7a, 14-1, 14-4, 15-3 og 15-4.

Departementet kan gjere unntak frå krava i andre og tredje ledet for utanlandske og internasjonale grunnskolar i Noreg.

Det er statsforvaltaren som fører tilsyn med dei private grunnskolane godkjende etter opplæringslova, sjå opplæringslova § 14-1 og tilvisinga til denne regelen i § 2-12 tredje ledd.

Det er i dag ingen reglar om bortfall av godkjenninga dersom skolen ikkje startar opp eller han legg ned verksemda som ligg til grunn for godkjenninga.

Etter § 2-12 fjerde ledd kan departementet gjere unntak frå krava i andre og tredje ledd for utanlandske og internasjonale skolar i Noreg. Det er Utdanningsdirektoratet som vurderer om det skal gjerast unntak i samband med godkjenninga av private grunnskolar.

Reglane i dagens § 1-3 om tilpassa opplæring gjeld også private grunnskolar, jf. tilvisinga til § 1-3 i § 2-1 andre ledd.

Reglane om spesialundervisning, jf. opplæringslova kapittel 5, gjeld ikkje for private grunnskolar. Det betyr mellom anna at dagens reglar i kapittel 5 om den pedagogisk-psykologiske teneста (PP-tenesta) ikkje gjeld for desse skolane.

Dagens reglar om fritak frå aktivitetar med meir i opplæringa, gjeld for elevar i private grunnskolar, jf. tilvisinga i § 2-12 andre ledd til § 3-4 a.

Det er i dag ingen eksplisitt regulering for bruk av fjernundervisning i opplæringslova. Sjå omtale av dagens reglar i punkt 15.

Tilvisingane i § 2-12 tredje ledd inneber mellom anna at reglane om leksehjelp i §§ 13-7 a, om fysisk aktivitet i 2-3, om ulykkesforsikring i § 13-3 b og om krav til skoleanlegg i § 9-2 gjeld for private grunnskolar.

Reglane i opplæringslova § 2-5 første, andre, tredje og sjette ledd om hovudmål i opplæringa gjeld også for private grunnskolar. Første ledd i § 2-5 fastslår at kommunen gir forskrift om kva skriftspråk som skal vere hovudmål i dei enkelte skolane. Hovudmålet skal nyttast i skriftleg opplæring og i skriftleg arbeid. Frå og med 8. årstrinn vel elevane sjølv om dei skal bruke bokmål eller nynorsk som skriftleg hovudmål. Andre ledd fastslår at i den munnlege opplæringa avgjer elevane og undervisningspersonalet sjølv om dei skal bruke bokmål eller nynorsk skriftleg hovudmål. Etter tredje ledd er det foreldra som vel skriftspråket i lærebøkene til elevane til og med 7. årstrinn. I norskopplæringa skal elevane ha lærebøker på hovudmålet. Sjette ledd fastslår at det skal haldast rådgivande røysting i samband med skifte av hovudmål eller når eit fleirtal i kommunestyret eller minst ein firedel av dei røysteføre krev det. Alle som bur i det området i kommunen som soknar til skolen, og som har røysterett etter vallova, har røysterett. I tillegg har foreldre eller forsørgjar til barn på barnetrinnet ved skolen røysterett utan omsyn til bustad eller statsborgarskap. Departementet kan gi forskrifter.

Vidare gjeld reglane om lærebøker og læremiddel i § 9-4, reglane om at elevane skal ha tilgang til skolebibliotek i § 9-2, og reglane om samarbeid om overgangen frå barnehage til skole i § 13-5 for private grunnskolar. Reglane om teie-

plikt i forvaltningslova §§ 13 til 13 e gjeld for private grunnskolar.

### **65.3 Høyningsforslaget**

Departementet foreslo:

- å vidareføre dagens godkjenningsordning for private grunnskolar
- å regulere meir eksplisitt kva reglar i opplæringslova som gjeld for private grunnskolar
- å ikkje vidareføre etterhaldet om at reglane i dagens opplæringslov §§ 1-1, 1-3, 2-3 a og 2-4 gjeld så langt reglane ikkje er i strid med menneskerettane
- å regulere når godkjenninga til private grunnskolar som ikkje er i drift, fell bort
- å lovfeste at elevar i private grunnskolar skal ha same tilgang til PP-tenesta som elevar i den offentlege skolen har
- at kravet om fritak frå aktivitetar m.m. og om opplæringa i kristendom, religion og livssyn skal gjelde tilsvarende for dei private grunnskolanane
- at paragrafen om fjernundervisning også skal gjelde for private grunnskolar
- å vidareføre dagens reglar for privatskolar med følgjande unntak:
  - Privatskolar skal ikkje ha plikt til å tilby aktivitetar som ikkje knyter seg direkte til opplæringa, til dømes leksehjelp og fysisk aktivitet.
  - Krav om tilpassa opplæring og intensiv opplæring gjeld ikkje for privatskolar.
  - Krav til skolebibliotek, målform i lærermiddel og samarbeid om overgang frå barnehagen gjeld ikkje for privatskolar.

Krav som blir fjerna for offentlege skolar, fell bort tilsvarende for private skolar.

### **65.4 Høyningsinstansanes syn**

Om lag 20 høyningsinstansar har merknader og innspel i høyringa.

Høyningsinstansane støttar forslaget om at det framleis skal vere krav til godkjenning for å kunne drive private grunnskolar utan rett til statstilskot, og at det bør komme fram av lova kva reglar som gjeld for private grunnskolar. *Abelia – Forum for friskoler* peikar på betydninga av at det går klart fram av lova kva reglar som gjeld for private grunnskolar.

Ingen av høyringsinstansane har hatt synspunkt på forslaget om å ikke vidareføre etterhalDET om at reglane i dagens opplæringslov §§ 1-1, 1-3, 2-3 a og 2-4 berre gjeld så lenge desse paragrafane ikke er strid med menneskerettane.

Ingen av høyringsinstansane har hatt synspunkt på forslaget om å regulere bortfall av godkjennung av private grunnskolar.

Ingen av høyringsinstansane har hatt synspunkt på forslaget om at private grunnskolar ikke skal ha plikt til å tilby aktivitetar som ikke knyter seg direkte til opplæringa, til dømes leksehjelp og fysisk aktivitet.

Ingen av høyringsinstansane har merknader til forslaget om regulering av fjernundervisning direkte relatert til private grunnskolar.

Ingen av høyringsinstansane har hatt synspunkt på forslaget om at plikta til å samarbeide med barnehagen om overgangen til skolen ikke skal gjelde private grunnskolar. *Utdanningsdirektoratet* støttar ikke forslaget om at reglane som gjeld læreplanverket og opplæringstilbodet innhald, vurdering og dokumentasjon og paragrafen i høyringsforslaget om bokmål og nynorsk for elevane i grunnskolen ikke skal gjelde for utanlandske og internasjonale skolar. *Utdanningsdirektoratet* støttar heller ikke forslaget om at krava for å bli tilsett som lærar og krava om relevant kompetanse i undervisningsfag ikke skal gjelde for skolar som følgjer eigne sertifiseringsordningar med eigne krav om kompetanse for lærarar.

Direktoratet uttaler mellom anna:

Dersom internasjonale og utenlandske skoler ikke skal være omfattet av krav til innhold i opplæringen eller ha kompetansekrav til undervisningspersonalet mener vi at elevenes rettigheter vil bli svekket. Det vil videre ikke bli mulig å sikre at sentrale mål for opplæringen blir fulgt.

[...]

Vi støtter at internasjonale og utenlandske skoler ikke skal følge læreplanverket for Kunnskapsløftet, men mener at det må ligge til grunn et krav om at disse skolenes læreplaner oppfyller sentral kompetanse for å kunne bli godkjent, herunder opplæring i norsk.

Videre uttaler direktoratet:

At skolene har egne sertifiseringsordninger, er etter vår oppfatning ikke godt nok for å sikre lærerkompetanse. Krav til høyere utdanning, pedagogisk og faglig kompetanse bør fortsatt gjelde for disse skolene.

[...]

Kompetansekravene vil bidra til å sikre gjennomføringen av opplæringen og elevenes rett til likeverdig opplæring. For lærere med utenlandsk yrkeskompetanse har opplæringsloven egne bestemmelser for godkjennung av denne. Dette er felles europeisk regelverk, og ordningen fungerer godt.

*Barneombodet* uttrykkjer bekymring over forslaget om ikke å vidareføre kravet om tilpassa opplæring ved private grunnskolar. Dette kan medføre at lovverket ikke gir elevane den rettstryggleiken dei treng for å få oppfylt retten til utdanning. Barneombodet viser til at styresmaktene har ansvar for å respektere vernet om å oppfylle barn sine rettar. Retten til utdanning slik han er nedfelt i barnekonvensjonen, inneber ein rett til tilrettelagt opplæring. Paragrafen om tilpassa opplæring kan forståast som eit uttrykk for eit tilsvarande krav. Barneombodet ser på ei slik plikt som ein føresetnad for å sikre at opplæringa er tilpassa og dermed i tråd med barnekonvensjonen.

Sju av høyringsinstansane har uttalt seg til forslaget om at elevar i private grunnskolar godkjende etter opplæringslova skal ha same tilgang til PP-tenesta som elevar i offentlege skolar. Seks av desse støttar forslaget.

*Barneombodet* er blant dei høyringsinstansane som støttar forslaget, men *Barneombodet* meiner det bør gjerast tydeleg i lova eller i merknadene kva oppgåver PP-tenesta har. Det kan vere uklart kva som ligg i at elevane skal ha same tilgang til tenesta, dersom verken reglar om individuelt tilrettelagt opplæring eller tilpassa opplæring gjeld. Ombodet har merka seg vurderinga til departementet om at det ikke er tenleg at reglane om individuelt tilrettelagt opplæring skal gjelde. *Barneombodet* kan ikke sjå at omsynet til det beste for barnet er vurdert eller vektlagt, og meiner det kan tale for at elevar i private grunnskolar også bør ha rett til individuelt tilrettelagt opplæring.

*Oslo kommune* støttar forslaget, men meiner det vil innebere eit behov for tilføring av meir ressursar til PP-tenesta.

*Sola kommune* støttar ikke forslaget. Kommunen viser til at sjølv om det truleg ikke er snakk om eit høgt elevtal, vil det vere krevjande for PP-tenesta å setje seg inn i kva som vil vere eit forsvareleg opplæringstilbod på ein skole som ofte er annullis enn dei skolane som PP-tenesta kjenner til frå før. Sola kommune meiner det er feil å prioritere denne elevgruppa på kostnad av dei innsparringane departementet har foreslått med å fjerne

kravet om sakkunnig vurdering for elevgrupper etter opplæringslova og privatskolelova.

*Human-etisk forbund* og *Samarbeidsrådet for trus- og livssysssamfunn* støttar forslaget om at kravet om fritak frå aktivitetar m.m. og om opplæringa i kristendom, religion og livssyn skal gjelde tilsvarende for dei private grunnskolane.

*Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa* og *Høgskolen i Volda* meiner at krav om ordlister og nynorske lærermiddel bør vere inkluderte i krava som gjeld private grunnskolalar.

*Norsk bibliotekforeining spesialgruppe for skole* stiller seg undrande til at elevar ved private skolar ikkje lenger skal ha rett til eit skolebibliotek.

## 65.5 Departementets vurdering

### 65.5.1 Vidareføre dagens godkjenningsordning for private grunnskolar

Departementet legg til grunn at plikta og retten til grunnskoleopplæring tilseier at det framleis bør vere ei godkjenningsordning for private grunnskolalar. Etter vurderinga til departementet bør reguleringa av private grunnskolalar vere tydeleg og eksplisitt, slik at det er lett å finne fram til kva reglar som gjeld for private grunnskolalar. Retten til å velje noko anna enn offentlege skolar tilseier at reglane som gjeld private grunnskolalar utan rett til statstilskot, bør vere avgrensa til å omfatte dei reglane som er nødvendige for å sikre dei grunngjende rettane til elevane og sentrale mål med opplæringa. Departementet har i hovudsak følgt opp forslaga i NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov* om kva reglar som skal gjelde private grunnskolalar.

### 65.5.2 Teieplikt

Departementet meiner at dei private grunnskolane framleis bør ha teieplikt etter reglane i forvaltningslova §§ 13 til 13 e. I tillegg bør også forvaltningslova § 13 g gjelde for desse skolane. Departementet viser til at dei hensyna som ligg til grunn for teieplikt i offentlege skolar også gjeld dei private grunnskolane.

### 65.5.3 Tilsyn med private grunnskolar

I punkt 60 foreslår departementet mellom anna

- å vidareføre dagens reglar om at statsforvaltaren kan føre tilsyn med pliktene til kommunen etter opplæringslova
- å vidareføre dagens regel om statleg tilsyn med andre plikter enn pliktene til kommunen

Forslaget om vidareføre dagens regel om statleg tilsyn med andre plikter enn pliktene til kommunen gir heimel for at departementet som i dag kan føre tilsyn med private grunnskolalar.

For at dette skal gå tydeleg fram av lova, meiner departementet det bør komme fram eksplisitt i kapittelet i lova om privat opplæring at departementet kan føre tilsyn med private grunnskolalar. Departementet legg til grunn at tilsynsmakta som i dag bør vere delegert til statsforvaltaren.

### 65.5.4 Regulere når godkjenninga til private grunnskolar som ikkje er i drift, fell bort

I dag er det ingen reglar om bortfall av godkjenning for private grunnskolalar godkjente etter opplæringslova. Departementet viser til at privatskolelova har reglar i § 2-1 femte ledd om at godkjenninga fell bort dersom skolen ikkje startar opp verksemda etter lova innan tre skoleår etter at godkjenning vart gitt. Det same gjeld om drifta etter privatskolelova blir nedlagd. Av omsyn til tilsynsmakta meiner departementet det bør innførast ein tilsvarende regel om bortfall av godkjenning for private grunnskolalar godkjente etter opplæringslova. Departementet meiner vidare at private grunnskolalar bør ha ei plikt til å melde frå ved avvikling av drifta, sjølv om manglande etterleving av ei slik meldeplikt ikkje kan sinksjonerast.

### 65.5.5 Regulering av unntak for utanlandske og internasjonale skolar

Departementet har merka seg innspela frå *Utdanningsdirektoratet* når det gjeld forslaget om at reglane om innhald i opplæringa og kompetansekrava for lærarar ikkje skal gjelde for utanlandske og internasjonale skolar som følger sertifiseringsordningar med eigne krav om kompetanse for lærarar. I dag kan det for utanlandske og internasjonale skolar gjerast unntak frå dei reglane som gjeld for private grunnskolalar. Eventuelle unntak frå reglane for utanlandske og internasjonale skolar blir vurderte av Utdanningsdirektoratet i samband med godkjenninga av ein grunnskole. Høyingsforslaget frå departementet om unntak frå reglane om innhald i opplæringa og krav til kompetanse for utanlandske og internasjonale grunnskolalar vil innebere at spørsmål om eventuelle unntak ikkje lenger skal inngå som ein del av godkjenninga. Det har vore utilsikta å avgrense godkjenningssordninga slik. Departementet foreslår at dagens godkjenningssordning blir halden oppe, og at det gjennom godkjenningssordninga, på same

måten som etter dagens reglar, kan gjerast unntak frå reglane for utanlandske og internasjonale skolar føresett at unntaka ikkje svekkjer dei grunnleggjande rettane til elevane.

### **65.5.6 Tilpassa opplæring for elevar i private grunnskolar**

Departementet har merka seg innspela frå *Barneombodet* når det gjeld retten til tilpassa opplæring for elevar i private grunnskolar. Etter dagens reglar gjeld opplæringslova § 1-3 om rett til tilpassa opplæring for elevar i private grunnskolar, jf. opplæringslova § 2-12 andre ledd. Departementet sluttar seg til uttalen frå *Barneombodet* om at retten til utdanning, slik han er nedfelt i Barnekonvensjonen, inneber ein rett til tilrettelagd opplæring. Barnekonvensjonen artikkel 29 slår fast at private skolar må overhalde prinsippa i artikkel 29 nr. 1. Departementet viser til at Barnekomiteen har lagt til grunn at artikkelen framhevar den individuelle og subjektive retten til ein bestemt kvalitet på utdanninga, og at skolen må tilpassa undervisninga til situasjonen barnet er i, utviklingsstadiet og behova det har. Barnekomiteen viser også til Salamanca-erklæringa som legg vekt på at alle barn skal få tilrettelegging og inkluderande opplæring uavhengig av bakgrunnen sin.

Departementet går på denne bakgrunnen ikkje vidare med høyringsforslaget om at reglane om tilpassa opplæring ikkje skal gjelde elevar i private grunnskolar, men foreslår at retten til tilpassa opplæring framleis skal gjelde elevar i private grunnskolar.

Departementet viser til omtale av retten til tilpassa opplæring i punkt 24.

### **65.5.7 Elevar i private grunnskolar skal ha same tilgang til PP-tenesta som elevar i den offentlege skolen har**

Departementet har merka seg innspel i høyringa om at elevar i private grunnskolar også bør ha rett til individuell tilrettelegging. Dette var ikkje eit forslag i høyringa. Slik departementet ser det, bør det vere opp til den private grunnskolen å avgjere korleis elevane skal følgjast opp, og korleis opplæringa skal gjennomførast. Etter lovforslaget skal regelen i § 10-1 om det beste for eleven også gjelde for private grunnskolar. Departementet føreset at skolen gjer vurderingane om oppfølging av elevane i lys av regelen om det beste for eleven.

Sjølv om dei private grunnskolane ikkje har plikt til å tilby individuell tilrettelegging slik som i den offentlege skolen, meiner departementet at

elevar og foreldre bør ha høvet til å få ei vurdering av behovet til eleven. Ei slik vurdering vil gjere det mogleg for eleven og foreldra å ta eit reelt val mellom eit privat og eit offentleg opplæringstilbod. Ei vurdering frå PP-tenesta vil også gi den private grunnskolen eit betre grunnlag for å tilpasse opplæringa for eleven.

Sidan elevane ikkje har rett til individuell tilrettelegging, ser ikkje departementet at det er behov for å fastsetje reglar for saksbehandlinga til PP-tenesta. Formålet med å gi elevar i private grunnskolar tilgang til PP-tenesta er å få vurdert behovet til eleven, til dømes om eleven har spesifikke lærevanskar. Det vil vere naturleg at PP-tenesta gjer ei vurdering av kva som vil vere forsvarleg opplæringstilbod for eleven, men det er ikkje avgjerande om PP-tenesta gir ei tilråding.

### **65.5.8 Fritak frå aktivitetar**

I høyringa følgde ikkje departementet opp forslaget i NOU 2019: 23 om at elevar ved private grunnskolar ikkje skal få fritak frå aktivitetar som knyter seg til verdigrunnlaget til skolen dersom skolen er etablert på religiøst grunnlag. Opplæringslovutvalet viste til at privatskolelova har reglar om unntak frå retten til fritak for elevar som går i privatskolar godkjende på livssynsgrunnlag. Etter vurderinga til departementet er det ein vesentleg og prinsipiell forskjell mellom private grunnskolar godkjende etter opplæringslova og privatskolar med rett til statstilskot godkjende etter privatskolelova. Privatskolar med rett til statstilskot må ha eit eige grunnlag for å få godkjenning, jf. privatskolelova § 2-1 andre ledd. Ein rett til fritak utan unntak for skolar godkjende etter privatskolelova § 2-1 andre ledd bokstav a livssyn kan undergrave eller stå i motstrid til krava som gjeld for godkjenning av privatskolar på livssynsgrunnlag.

For private grunnskolar godkjende etter opplæringslova er grunngivinga for godkjenningsordninga å sikre at skolen oppfyller krava til innhaldet i opplæringa med utgangspunkt i retten og plikta barn har til grunnskoleopplæring. Det er ikkje eit krav i opplæringslova om at dei private grunnskolane må ha eit godkjenningsgrunnlag, og departementet meiner derfor det ikkje er naturleg å lovregulere eit unntak frå rett til fritak for desse skolane. Departementet meiner etter dette at dagens regel om fritak frå aktivitetar bør førast vidare for elevar i private grunnskolar.

### **65.5.9 Fjernundervisning**

I punkt 15 foreslår departementet

- at det skal vere lov å gjennomføre delar av opplæringa som fjernundervisning dersom det er gode grunnar for det og det vil vere trygt og pedagogisk forsvarleg
- at elevar skal få fjernundervisninga på skolen med enkelte unntak
- at fjernundervisning skal gjennomførast slik at lærar og elev kan kommunisere effektivt
- at kommunen og fylkeskommunen skal godtgjere at vilkåra er oppfylte
- at departementet får heimel for gi forskrift om fjernundervisning

Departementet følgjer opp forslaget i høyringa om at reglane om fjernundervisning også skal gjelde private grunnskolar. Departementet viser til vurderingane i punkt 15.

#### **65.5.10 Reglar som ikkje skal gjelde for private grunnskolar**

Departementet foreslår, som i høyringa, at private grunnskolar ikkje skal ha plikt til å tilby aktivitetar som ikkje knyter seg direkte til opplæringa, som mellom anna reglane om leksehjelp, fysisk aktivitet og kravet til ulykkesforsikring. Forslaget er grunngitt i utgangspunktet til departementet om at regulering av private grunnskolar skal vere avgrensa til å sikre dei grunnleggjande rettane til elevane og sentrale mål med opplæringa.

Departementet har merka seg synspunkta frå *Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringen og Høgskolen i Volda* som meiner at reglane i lovforslaget om ordlister, ordbøker og skriveprogram også bør gjelde private grunnskolar. Departementet viser til at utgangspunktet for forslaget om lovregulering av dei private grunnskolane er å sikre dei grunnleggjande rettane til elevane og sentrale mål med opplæringa. Etter vurderinga til departementet ligg reglane om lærermiddel, ordlister etc. utanfor det som kan seiast å vere kjernen i grunnskoleopplæringa eller dei grunnleggjande rettane til elevane. Departementet føreset at dei private grunnskolarane sørger for å bruke dei læremidla i opplæringa som blir rekna som nødvendige for å oppfylle retten elevane har til grunnskoleopplæring. Departementet held ved lag forslaget frå høyringa om at reglane i § 15-3 og § 15-4 ikkje skal gjelde for private grunnskolar.

Departementet gjer tilsvarande vurdering om kravet om skolebibliotek. I tillegg viser departementet til at regelen om skolebibliotek blir foreslått som ei plikt for kommunen til å gi elevane til-

gang til skolebibliotek. Tilgang til skolebibliotek er ikkje ein individuell rett etter dagens reglar, og det er heller ikkje foreslått som ein individuell rett.

Departementet foreslår, som i høyringa, at plikta til samarbeide med barnehagen om overgangen til skole ikkje lenger skal gjelde private grunnskolar. Departementet viser til at dette er ei plikt og eit ansvar som ligg på kommunen. Departementet legg til grunn at privatskolane vil vere tente med eit slikt samarbeid, men meiner det ikkje er tenleg å vidareføre ei lovfesta plikt til samarbeid for dei private grunnskolane.

Reglane om krav til skoleanlegg, jf. dagens lov § 9-5, blir etter forslaget i punkt 33.9 ikkje vidareført i ny opplæringslov. Regelen fell dermed også bort for private grunnskolar.

---

#### **65.6 Departementets forslag**

Departementet foreslår

- å vidareføre dagens godkjenningsordning for private grunnskolar, sjå forslaget til § 22-1 første og andre ledd
- å vidareføre at reglane om teieplikt i forvalningslova gjeld for private grunnskolar, sjå forslaget til § 22-4
- å vidareføre at departementet fører tilsyn med private grunnskolar, sjå forslaget til § 22-6
- å regulere når godkjenninga til private grunnskolar som ikkje er i drift, fell bort, sjå forslaget til § 22-1 tredje ledd
- å vidareføre heimelen til å gjera unntak frå reglane om innhaldet i opplæringa og frå reglane om kompetansekrav for undervisningspersonell i utanlandske og internasjonale private grunnskolar, sjå forslaget til § 22-3
- å vidareføre at retten til tilpassa opplæring gjeld elevar i private grunnskolar, sjå forslaget til § 22-2 første ledd bokstav e
- at elevar i private grunnskolar skal ha same tilgang til PP-tenesta som elevane i den offentlege skolen har, sjå forslaget til § 22-2 fjerde ledd
- å vidareføre retten til fritak frå aktivitetar for elevar i private grunnskolar, sjå forslaget til § 22-1 første ledd bokstav 1
- at reglane om fjernundervisning skal gjelde for private grunnskolar, sjå forslaget til § 22-2 første ledd bokstav j
- at reglar som ikkje knyter seg direkte til opplæringa, ikkje skal gjelde private grunnskolar

## 66 Privatskolelova

### 66.1 Innleiing

Dette punktet handlar om skolar godkjende etter lov 4. juli 2003 nr. 84 om private skolar med rett til statstilskot (privatskolelova). Retten og plikta til grunnskoleopplæring kan oppfyllast i skolar godkjende etter privatskolelova, sjå omtale av dette i punkt 9. Det same gjeld retten til vidaregåande opplæring, sjå omtale i punkt 40. Fleire av reglane i opplæringslova gjeld også for skolar godkjende etter privatskolelova, anten ved at privatskolelova viser til reglar i opplæringslova eller ved at privatskolelova har reglar med tilsvarende ordlyd som i opplæringslova.

I høyringa vart det derfor foreslått endringar i privatskolelova som skal sikre nødvendig samsvar mellom ny opplæringslov og privatskolelova.

I punktet her har departementet vurdert og foreslått nye reglar i privatskolelova som i hovudsak er ein følge av forslaget til ny opplæringslov. Punktet omhandlar alle dei forslaga i privatskolelova høyringsinstansane har særlege merknader til. Punkt 66.4 omhandlar høyringsinstansanes syn på forslaga til endringar i privatskolelova. Det framgår også kva for forslag i privatskolelova høyringsinstansane ikkje har hatt merknader til. Dei forslaga i privatskolelova høyringsinstansane har kommentert, er omtalt i punkt 66.5 og 66.6. Alle endringsforslaga framgår av forslaget til lovtekst og merknadane til dei enkelte reglane.

I tillegg handlar dette punktet om nokre få andre forslag til endringar i privatskolelova, til dømes når det gjeld kva reglar som skal gjelde for skolar godkjende etter privatskolelova § 6A-1 *Diverse skolar som gir yrkesretta opplæring*, og om nokre mindre oppryddingsforslag. Dette er omtalt i merknadene til dei enkelte reglane.

### 66.2 Dagens reglar

#### 66.2.1 Opplæringstilbodet

Skolar godkjende etter privatskolelova skal gi opplæring etter læreplanar som er godkjende av departementet (delegert til Utdanningsdirektoratet), jf. privatskolelova § 2-3. Det må komme fram

av læreplanane kva vurderingsformer og dokumentasjon skolen skal bruke. Privatskolane skal anten bruke læreplanen som gjeld for offentlege skolar, eller læreplanar som på annan måte sikrar elevane ei jamgod opplæring. I forskrift til privatskolelova § 2 A-1 er det gitt generelle krav til læreplanen. Det er fastsett særlege krav til læreplanar for godkjenningssgrunnlaga livssyn, anerkjent pedagogisk grunnlag, internasjonale skolar, profilskolar (dette godkjenningssgrunnlaget er oppheva med verknad frå 15. juni 2022), norske skolar i utlandet og toppidrettsgymnas, sjå forskrifta §§ 2 A-2 til 2 A-4 b. Vaksne som blir tekne inn i private vidaregåande skolar, får opplæring etter dei same læreplanane som ungdom.

Fag- og timefordelinga skal komme fram av læreplanane, jf. forskrift til privatskolelova § 2 A-1. Private grunnskolar kan, på same måten som offentlege grunnskolar, omdisponere inntil fem prosent av timane som er fastsette i det enkelte faget for heile klassar eller årstrinn. Styret fastset fag- og timefordelinga for det enkelte skoleåret der omdisponeringa av faga kjem fram.

Privatskolar som er godkjende på grunnlag av livssyn eller ei anerkjend pedagogisk retning, og profilskolar (dette godkjenningssgrunnlaget er oppheva med verknad frå 15. juni 2022) kan få godkjent flytting av timer mellom fag som er særlig viktige for å styrke grunnlaget til skolen, sjå forskrift til privatskolelova §§ 2A-2, 2A-3 og 2A-4 a.

I privatskolelova § 2-3 har departementet heimel til å gi forskrift om vurdering av elevar, klage på vurdering, eksamen og dokumentasjon. Heimelen svarer til heimelen i opplæringslova §§ 2-3 tredje ledd og 3-4.

Elevar i privatskolar har den same retten som elevar i offentlege skolar til undervegsvurdering, sluttvurdering og dokumentasjon av opplæringa, sjå forskrift til privatskolelova § 3-2, jf. forskrift til opplæringslova §§ 3-2 og 4-2.

I forskrift til privatskolelova § 3-3 siste ledd er det gitt tilsvarende regel som i forskrift til opplæringslova § 3-3 siste ledd om at stort fråvær kan føre til at læraren ikkje har tilstrekkeleg grunnlag til å gi halvårsverdning med karakter eller standpunktcharakter i fag. Reglane om fråværsgrense

for elevar i vidaregåande skole, forskrift til privatskolelova § 3-9, svarer til forskrift til opplæringslova § 3-9.

Etter forskrift til privatskolelova § 3-5 skal det ikkje givast vurdering med karakterar til og med 7. årstrinn.

### **66.2.2 Det beste for eleven**

Privatskolelova har, til liks med opplæringslova, inga generell regulering av prinsippet om det beste for barnet. Privatskolelova har desse reglane som uttrykkjeleg gir opp det beste for eleven som eit vurderingstema:

- Intensiv opplæring på 1. til 4. trinn kan i ein kort periode givast som eineundervisning der som «omsynet til eleven sitt beste talar for det», sjå privatskolelova § 3-4 b andre punktum. Regelen svarer til opplæringslova § 1-4 andre punktum.
- Fritak frå opplæringsplikta kan innvilgast etter sakkunnig vurdering dersom foreldra samtykkjer og omsynet til eleven tilseier det, privatskolelova § 3-3 andre ledd, jf. opplæringslova § 2-1 fjerde ledd.
- I arbeidet til skolen for eit trygt og godt psykososialt skolemiljø skal «kva som er best for elevane, [...] vere eit grunnleggjande omsyn», sjå opplæringslova § 9 A-4 femte ledd. Tilsvarande skal kva som er best for elevane, vere eit grunnleggjande omsyn i saksbehandlinga til statsforvaltaren, sjå opplæringslova § 9 A-6 tredje ledd. Desse reglane gjeld også for privatskolar, sjå privatskolelova § 2-4 andre ledd.
- Særskild språkopplæring for nykomne elevar kan organiserast i eigne grupper, men berre dersom «dette er rekna å vere til beste for eleven», sjå privatskolelova § 3-5 femte ledd. Regelen svarer til opplæringslova §§ 2-8 femte ledd og 3-12 femte ledd.

### **66.2.3 Plikt til å vere aktivt med i opplæringa, oppfølgningsplikt ved fråvær og leks**

Privatskolelova har, i motsetning til opplæringslova §§ 2-3 fjerde ledd første punktum og 3-4 andre ledd første punktum, ingen reglar om plikta elevane har til å delta aktivt i opplæringa.

Den enkelte privatskolen har plikt til å oppfylle retten elevane har til opplæring. Styret for privatskolen har ansvaret for at skoledrifta skjer i samsvar med gjeldande regelverk. I privatskolelova § 5-2 andre ledd er det presisert at styret skal sør-

gje for at elevane ved skolen får oppfylt retten til grunnskoleopplæring, og styret skal melde frå til foreldra og heimkommunen til elevar som over lengre tid ikkje møter fram til opplæringa utan lovgod grunn. Skolar som er godkjende etter privatskolelova skal ha eit system for føring av fråvær, jf. forskrift til privatskolelova § 3-36, som svarer til forskrift til opplæringslova § 3-36. Etter forskrifta skal umyndige elevar varslast om fråveret til eleven, jf. §§ 4-2 og 4-3. Desse reglane svarer til forskrift til opplæringslova §§ 20-3 og 20-4.

Lekser er ikkje regulerte i privatskolelova. Det er likevel lagt til grunn at skolen kan gi elevane leksar fordi dette er ein del av den ordinære aktiviteten i skolen. Privatskolane har den same plikta som kommunane til å tilby leksehjelp i grunnskolen, jf. privatskolelova § 7-1e og opplæringslova § 13-7 a.

### **66.2.4 Samarbeid mellom skolen og foreldra**

Etter privatskolelova § 1-1 fjerde ledd første punktum skal det leggjast vekt på å skape godt arbeidsmiljø og gode samarbeidsformer mellom lærarar og elevar og mellom skole og heim. Privatskolelova har i § 7-1 d ei plikt for skolen til å sørge for samarbeid med foreldre, som svarer til plikta kommunar og fylkeskommunar har etter opplæringslova § 13-3 d. Det er gitt nærmere reglar om foreldresamarbeid i forskrift til privatskolelova kapittel 4. Desse reglane svarer til reglane i forskrift til opplæringslova kapittel 20. Skolen skal halde kontakten med foreldra, halde foreldre-møte, invitere til samtale med kontaktlærar og elles sørge for informasjon og varsling om forhold som gjeld eleven, jf. forskrifta §§ 4-2 og 4-3. Det er også reglar om varsling av foreldra dersom eleven står i fare for å ikkje få vurdering med karakter, jf. forskrifta § 3-8, som svarer til regelen i forskrift til opplæringslova § 3-8.

Samarbeidet mellom heimen og skolen er omhandla i den overordna delen av læreplanverket kapittel 3.3. Her står det mellom anna at god kommunikasjon mellom heim og skole bidreg positivt til arbeidet til skolen med læringsmiljøet og til oppvekstmiljøet til elevane. Læreplanane til privatskolane må omfatte overordna del eller ein annan tilsvarande plan, jf. forskrift til privatskolelova § 2 A-1.

### **66.2.5 Medverknaden til elevane**

Privatskolelova § 1-1 tredje ledd første punktum har denne regelen:

Det skal leggjast vekt på å skape godt arbeidsmiljø og gode samarbeidsformer mellom lærarar og elevar og mellom skole og heim.

Det er regulert særskilt at elevane skal høyраст før det blir gjort vedtak om spesialundervisning, sjå opplæringslova § 5-4, som gjeld for elevar i privatskolar, jf. privatskolelova § 3-6.

I saker som gjeld skolemiljøet, slår opplæringslova § 9 A-4 fast at alle elevar som er involverte i ei sak, skal bli høyrd. Regelen gjeld også for privatskolar, jf. privatskolelova § 2-4 andre ledd.

Forskrift til privatskolelova § 3-7 har ei tilsvarende regel som forskrift til opplæringslova § 3-7 om at elevane har rett til samtale om utvikling i faga. I undervegsverdering i fag skal elevane få delta i vurderinga av eige arbeid og reflektere over eiga læring og faglege utvikling. Sjå forskrift til privatskolelova § 3-10 andre ledd bokstav a som svarer til regelen i forskrift til opplæringslova § 3-10 andre ledd bokstav a.

### 66.2.6 Skoledemokratiet

Det skal vere elevråd ved alle grunnskolar frå 5. til 10. trinn, jf. privatskolelova § 5-3. Vidaregåande skolar skal ha eit elevråd på minst fem medlemmer med varamedlemmer. Ein representant frå elevrådet har møte- og uttalerett i styret til skolen, jf. privatskolelova § 5-1 andre ledd.

Styret til skolen skal sørge for at skolen jamleg vurderer i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå måla som er fastsette i dei godkjende læreplanane i skolen. Det er eit krav at elevane blir involverte i denne vurderinga. Sjå privatskolelova § 5-2 b som svarer til regelen i opplæringslova § 13-3 e andre ledd.

I forskrift til privatskolelova § 2A-5 a er det regulert at alle elevar skal ha moglegheit og tid til å arbeide med saker knytte til elevdemokrati og medverknad i opplæringa. Arbeidet må vere godkjent av skolen. Denne regelen samsvarer med forskrift til opplæringslova § 1-4 a.

Privatskolelova § 5-4 har reglar om foreldreråd. Alle private grunnskolar skal ha eit foreldreråd, der alle foreldre som har barn i skolen, er medlemmer. Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og medverke til at elevar og foreldre tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skolemiljø. Foreldrerådet skal arbeide for å skape godt samhald mellom heim og skole, leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hos elevane og skape kontakt mellom skolen og lokalsamfunnet.

Regelen svarer til opplæringslova § 11-4 første og andre ledd.

### 66.2.7 Fjernundervisning

Etter privatskolelova § 1-2 tredje ledd første punktum har privatskolane høve til å tilby fjernundervisning i same utstrekning som offentlege skolar. Det generelle forbodet i § 1-2 tredje ledd mot kjøp av opplæringstenester gjeld ikkje dersom opplæringa blir gjennomført som fjernundervisning. Dei same reglane om fjernundervisning gjeld også for skolar som er godkjende etter privatskolelova kapittel 6A *Diverse skolar som gir yrkesretta opplæring*.

Departementet har heimel i privatskolelova til å gi forskrift om rapportering og dokumentasjon ved bruk av fjernundervisning. Heimelen er førebels ikkje brukt.

Dagens reglar i om fjernundervisning i privatskolelova kom inn i lova med verknad frå 1. august 2021.

### 66.2.8 Tilpassa opplæring

Det følgjer av privatskolelova § 3-4 a at opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene til den enkelte eleven. Tilpassa opplæring er dermed eit prinsipp som ligg til grunn for all grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring. I forarbeida til regelen er det understreka at både organiseringa av opplæringa, dei pedagogiske metodane og progresjonen i opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene til den enkelte eleven. Reglane om tilpassa opplæring gjeld for alle elevar. Det betyr at skolen har plikt til å tilpasse opplæringa også for dei elevane som lærer raskare enn andre, som har spesielle talent, eller som har potensial til å nå dei høgaste faglege nivåa.

Reglane svarer til opplæringslova § 1-3.

Privatskolelova § 3-4 b inneheld ein særregel om intensiv opplæring (tidleg innsats) for elevar på 1. til 4. trinn:

På 1. til 4. årstrinn skal skolen sørge for at elevar som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring slik at forventa progresjon blir nådd. Om omsynet til eleven sitt beste talar for det, kan den intensive opplæring i ein kort periode givast som eineundervisning.

Reglane svarer til opplæringslova § 1-4. Reglane om intensiv opplæring er ein del av den ordinære tilpassa opplæringa og skal vere ein kortvarig og

målretta innsats frå skolen i lesing, skriving eller rekning for elevane som har behov for det. Målet er at elevar som treng det, raskt skal få eigna støtte og oppfølging. Tiltak krev ikkje sakkunnig vurdering eller enkeltvedtak.

Reglane om tilpassa opplæring, inkludert reglane om intensiv opplæring, gir privatskolane plikt til å tilpasse opplæringa, men elevane har ikkje ein korresponderande rett. At elevane ikkje har individuell rett til tilpassa opplæring, betyr mellom anna at elevane ikkje har rett til å klage etter reglane i forvaltningslova på at dei ikkje har fått tilpassa opplæring. At skolane rettar seg etter regelverket, kan følgjast opp gjennom tilsyn.

Elevane har rett til undervegsvurdering i fag slik ho er beskriven i forskrift til privatskolelova § 3-10, og undervegsvurderinga skal nyttast til å vurdere om eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Reglane svarer til forskrift til opplæringslova § 3-10. Det følgjer av opplæringslova § 5-4 første ledd at lærarane skal vurdere om ein elev treng spesialundervisning, og melde frå til rektor når ein elev har slike behov. Skolen har plikt til å vurdere og eventuelt prøve ut tiltak innanfor det ordinære opplæringstilbodet med sikte på å gi eleven tilfredsstillande utbytte før det blir utarbeidd ei sakkunnig vurdering, jf. opplæringslova § 5-4 første ledd tredje punktum. Reglane om spesialundervisning i opplæringslova gjeld også for elevar i privatskolar, jf. privatskolelova § 3-6.

### **66.2.9 Individuell tilrettelegging av opplæringa**

Retten til spesialundervisning gjeld uavhengig om eleven går i ein offentleg skole eller i ein privat-skole. Reglane i opplæringslova om spesialundervisning, sjá omtale i punkt 25, gjeld også for private skolar. I § 3-6 står det at opplæringslova § 5-1 om rett til spesialundervisning, § 5-3 om sakkunnig vurdering, § 5-4 om saksbehandlinga for vedtak om spesialundervisning og § 5-5 om unntak frå reglane om innhaldet i opplæringa og om kompetansekrav gjeld tilsvarande for private skolar.

Det er heimkommunen eller heimfylket til eleven som sørger for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering, og som gjer vedtak om spesialundervisning. Heimkommunen eller heimfylket skal dekkje utgiftene til spesialundervisning i private skolar på lik linje med offentlege skolar.

Departementet har heimel til å forskrift om gjennomføring av reglane om spesialundervisning. Departementet er klageinstans for klage over kommunale og fylkeskommunale enkeltvedtak om spesialundervisning. Det er presisert i § 3-

6 at reglane ikkje gjeld opplæringstilbod spesielt organisert for vaksne.

Sjá nærmare omtale av retten til spesialundervisning i punkt 25.

### **66.2.10 Alternativ og supplerande kommunikasjon**

Elevar som heilt eller delvis manglar tale, og som derfor har behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK), har rett til å bruke eigna kommunikasjonsformer og kommunikasjonsmiddelet i opplæringa. Dette følgjer av privatskolelova § 3-14. Regelen presiserer retten elevar har til å bruke ASK som erstatning for eller støtte til tale i opplæringa.

I privatskolelova § 3-14 andre ledd er det presisert at elevar som har rett til spesialundervisning, også har rett til å få nødvendig opplæring i å bruke ASK. Kva som er nødvendig opplæring, må vurderast konkret ut frå kva som vil gi eleven eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Enkelte barn og unge som har behov for ASK, vil ikkje nødvendigvis ha behov for spesialundervisning. Elevar som bruker ASK, er ei svært ueinsarta gruppe med ulike føresetnader og behov. Retten til spesialundervisning er berre aktuell når skolen ikkje greier å tilpasse den ordinære opplæringa slik at eleven kan få eit tilfredsstillande utbytte av henne.

Reglane i privatskolelova § 3-14 tilsvrar reglane i opplæringslova §§ 2-16 og 3-13.

Paragrafen om ASK presiserer og synleggjer det som følgjer av reglane om tilpassa opplæring i privatskolelova § 3-4 a og spesialundervisning etter § 3-6. Det skal ikkje gjerast enkeltvedtak etter reglane om ASK. Enkeltvedtak om bruk av og opplæring i ASK kan gjerast etter opplæringslova § 5-1 om spesialundervisning eller etter opplæringslova § 9 A-7 tredje ledd om tilrettelegging av arbeidsplassen. Dette kan omfatte fysisk tilrettelegging for elevar som har behov for å bruke ASK. Begge desse paragrafane gjeld for privatskolar gjennom tilvisingar til reglane om spesialundervisning i privatskolelova § 3-6 og reglane om skolemiljøet til elevane i privatskolelova § 2-4 andre ledd.

### **66.2.11 Særskild språkopplæring for elevar som har eit anna morsmål enn norsk og samisk**

Privatskolelova § 3-5 har reglar om særskild språkopplæring, morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring i fag. Elevar i private grunnskolar og

private vidaregåande skolar som har eit anna morsmål enn norsk eller samisk, og som ikkje kan godt nok norsk til å følgje den vanlege opplæringa ved skolen, har rett til språkopplæring. Reglane svarer til opplæringslova §§ 2-8 og 3-12. I privatskolelova § 3-5 er det presisert at elevar ved norske skolar i utlandet ikkje har rett til særskild språkopplæring.

Det er heimkommunen eller heimfylket til eleven som gjer vedtak og dekkjer utgiftene til opplæring etter § 3-5. Vedtaket er eit enkeltvedtak, og departementet er klageinstans.

Særskild språkopplæring skal alltid omfatta særskild norskopplæring, det vil seie forsterka opplæring i norsk. Om nødvendig skal særskild språkopplæring også omfatte morsmålsopplæring, tospråkleg opplæring i fag eller begge delar. Tospråkleg opplæring i fag inneber at eleven får opplæring på morsmålet sitt og norsk i eitt eller fleire fag.

Heimkommunen eller heimfylket kan vedta å leggje morsmålsopplæringa til ein annan skole enn den eleven går på til vanleg.

Når det ikkje finst eigna undervisningspersonele som kan gjennomføre morsmålsopplæring eller tospråkleg opplæring i fag, skal heimkommunen eller heimfylket så langt mogleg leggje til rette for «anna opplæring» tilpassa føresetnadene til elevane, jf. privatskolelova § 3-5 tredje ledd. Anna opplæring kan til dømes vere morsmålsopp-læring i form av fjernundervisning eller intensivundervisning i korte periodar.

Retten til særskild språkopplæring varer til eleven har tilstrekkelege ferdigheiter i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. Det er inga avgrensing på kor mange år eleven kan få særskild språkopplæring. Elevar har ikkje plikt til å få særskild språkopplæring sjølv om dei ikkje kan norsk godt nok til å følgje den vanlege opplæringa i skolen.

Heimkommunen eller heimfylket skal kartlegge ferdigheitene til elevane i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring, og undervegs i opplæringa som grunnlag for å vurdere om eleven har tilstrekkelege ferdigheiter til den vanlege opplæringa.

Private skolar kan organisere særskilt opplæringstilbod for nykomne elevar i eigne grupper eller klassar når heimkommunen eller heimfylket har gjort vedtak om slik organisering og om at privatskolen kan gi slikt opplæringstilbod. Private skolar som gir enkeltelevar eit slikt opplæringstilbod, må gi kommunen eller fylkeskommunen den informasjonen som er nødvendig for å opplyse saka før det blir gjort vedtak.

### **66.2.12 Fritak frå aktivitetar i opplæringa**

I opplæringslova § 2-3 a er det presisert at skolen skal vise respekt for dei religiøse og filosofiske overtydingane til elevane og foreldra og sikre retten til likeverdig opplæring. Lovteksten gjer tydeleg krav som menneskerettane stiller til staten for alle fag.

Elevane har rett til fritak frå delar av opplæringa på grunnlag av eige livssyn eller eigen religion, jf. § 2-3 a andre ledd. Retten til fritak gjeld dei delane av opplæringa som elevane ut frå eigen religion eller livssyn opplever som utøving av ein annan religion eller tilslutning til eit anna livssyn, eller som dei på same grunnlag opplever som støytande eller krenkjande.

Opplæringslova § 2-3 a gjeld også for elevar i private grunnskolar, jf. privatskolelova § 3-12. Retten til fritak gjeld likevel ikkje elevar i private grunnskolar som er «oppretta av religiøse grunnar». Unntaket frå retten til fritak gjeld aktivitetar som er knytte til godkjenningsgrunnlaget til skolen, jf. privatskolelova § 2-1 andre ledd bokstav a.

### **66.2.13 Informasjonsplikta skolen har overfor elevar og foreldre**

Det er fleire reglar i privatskolelova som inneheld ei plikt for skolen til å gi informasjon til elevar og foreldre.

Skolen skal til dømes årleg informere elevar og foreldre om reglane for fritak og om innhaldet i opplæringa, jf. opplæringslova § 2-3 a femte ledd som gjeld tilsvarande for privatskolar, jf. privatskolelova § 3-12.

Skolen skal informere elevane og foreldra om rettane deira etter opplæringslova kapittel 9 A, jf. opplæringslova § 9 A-9 og privatskolelova § 2-4 andre ledd.

Ordensreglementet skal også gjerast kjent for elevar og foreldre, jf. privatskolelova § 3-9 tredje ledd. Regelen svarer til opplæringslova § 9 A-10 fjerde ledd.

Forskrift til privatskolelova inneheld fleire reglar om plikta privatskolane har til å gi informasjon til elevar og foreldre. Desse reglane er i samsvar med tilsvarande reglar i forskrift til opplæringslova. Dette gjeld til dømes informasjon om tilbod om leksehjelp, retten til sosialpedagogisk rådgiving og utdannings- og yrkesrådgiving. Etter forskrifa §§ 4-2 og 4-3 skal det på starten av kvart skoleår vere eit foreldremøte der foreldra får informasjon om skolen, innhaldet i opplæringa, foreldremedverknad, rutinar og anna som er relev-

vant informasjon for foreldra. Foreldra skal også få informasjon om rettane til elevane og foreldra etter privatskolelova og forskrift til privatskolelova.

### **66.2.14 Inntak til private vidaregåande skolar godkjende etter privatskolelova**

#### *66.2.14.1 Kven kan bli elevar i private vidaregåande skolar*

Alle som fyller vilkåra for inntak til offentlege vidaregåande skolar, kan takast inn som elevar i private vidaregåande skolar. Det betyr at søkeren som hovudregel må ha rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1 (ungdom) eller opplæringslova § 4 A-3 (vaksne).

Privatskolar blir ikkje godkjende for å tilby opplæring særleg organisert for vaksne. Alle som går i privatskolar, er elevar. Reglane i opplæringslova kapittel 4 A om individuell tilpassing osv. gjeld dermed ikkje vaksne elevar i private vidaregåande skolar. Vaksne elevar i private vidaregåande skolar følgjer opplæringa i heile fag, på same måte som ungdom.

#### *66.2.14.2 Prioritering av søkerar*

Ungdom med rett til vidaregåande opplæring har førsteprioritet ved inntak til ein privat vidaregåande skole, jf. privatskolelova § 3-1 andre ledd. Dersom det er ledige plassar, kan vaksne med rett til vidaregåande opplæring få tilbod om plass.

Hovudregelen er at private vidaregåande skolar ikkje kan ta inn søkerar som ikkje har rett til vidaregåande opplæring. Det er to unntak frå denne hovudregelen:

- Skolar som er godkjende for særskilt tilrettelagt opplæring for funksjonshemma. Dette er skolar godkjende etter privatskolelova § 2-1 andre ledd bokstav f
- Skolar nemnde ved namn i forskrift til privatskolelova § 11-3 andre ledd

Desse skolane kan ta inn vaksne søkerar utan rett til vidaregåande opplæring. Vaksne søkerar utan rett til vidaregåande opplæring skal prioriterast etter ungdom med slik rett og vaksne med slik rett. For inntak til skolar som tilbyr opplæring særskilt tilrettelagt for funksjonshemma, er krevet for inntak at søkeren har ei funksjonshemmning. Elles gjeld den same prioriteringsrekkefølgia.

Forskrift til privatskolelova opnar for at private vidaregåande skolar kan søkje om godkjenning

for ein eigen inntakskvote for vaksne søkerar. Skolar som får godkjent ein slik kvote, kan ved inntak prioritere vaksne søkerar med rett til vidaregåande opplæring innanfor den fastsette kvoten framfor ungdom. Skolar som etter forskrift til privatskolelova kan ta inn vaksne søkerar utan rett til vidaregåande opplæring, kan tilby plassar til desse på «vaksenkvoten», i prioritet etter vaksne med rett til vidaregåande opplæring.

#### *66.2.14.3 Kven er vaksne utan rett til vidaregåande opplæring?*

Vaksne utan rett til vidaregåande opplæring er personar som har brukt opp retten til vidaregåande opplæring som ungdom, jf. opplæringslova § 3-1, og heller ikkje har rett til vidaregåande opplæring som voksen, jf. opplæringslova § 4 A-3.

#### *66.2.14.4 Bakgrunnen for at skolar nemnde ved namn i forskrift til privatskolelova § 11-3 andre ledd kan ta inn vaksne utan rett til vidaregåande opplæring*

Regelen i privatskolelova § 11-3 andre ledd har politiske og historiske årsaker. Bakgrunnen er Stortingets behandling av forslaget i Ot.prp. nr. 64 (2003–2004) om at private vidaregåande skolar (tidlegare «friskolar») ikkje kunne ta inn vaksne utan rett til vidaregåande opplæring, sjå Innst.O. nr. 1 (2004–2005):

Stortinget ber Regjeringen legge til grunn at eksisterende frittstående vidaregående skoler som etter sin godkjenning pr. 2004 kan ta inn voksne søkerar uten rett til vidaregående opplæring, fortsatt kan gjøre dette. Det faktiske antallet voksne elever uten rett skoleåret 2004/2005 legges til grunn for inntak og tilskudd.

#### *66.2.14.5 Vaksne – krav om vurdering av realkompetansen*

Søkerar til private vidaregåande skolar kan berre takast inn som elevar i fag dei ikkje har gjennomført tidlegare. Derfor er hovudregelen at realkompetansen til voksne søkerar skal danne grunnlaget for kva fag søkeren kan takast inn til. Dette gjeld uavhengig av om den voksne har rett til vidaregåande opplæring eller ikkje. Det er heimfylket til den voksne søkeren som skal vurdere realkompetansen før inntak til ein privat vidaregåande skole.

Ved ei lovendring som tok til å gjelde 26. mai 2020, fekk departementet heimel til å gjera unntak

frå kravet om realkompetansevurdering, sjå Prop. 96 L (2019–2020). Med verknad frå 9. juni 2020 er det i forskrift til privatskolelova gjort unntak frå kravet om realkompetansevurdering for desse to gruppene:

- vaksne søkerar mellom 19 og 24 år utan rett til vidaregåande opplæring
- vaksne søkerar over 25 år som har budd kort tid i Noreg

For desse søkerane kan formalkompetansen leggjast til grunn for inntak, det vil seie den tidlegare gjennomførte vidaregående opplæringa søkeren har. Det er dagleg leiar ved skolen den vaksne søker seg til, som vurderer formalkompetansen.

#### **66.2.14.6 Kva er realkompetanse**

Realkompetanse består av all formell, uformell og ikkje-formell kompetanse som ein person har, uavhengig av korleis personen har skaffa seg kompetansen. Formell kompetanse er den kompetansen ein person har fått gjennom dokumentert formell utdanning, typisk vurdering med karakter i fag frå tidlegare gjennomført vidaregåande skole.

Vaksne med rett til vidaregåande opplæring har ein lovfesta rett til å få ei realkompetansevurdering, sjå opplæringslova § 4 A-3 femte ledd. Vaksne utan rett til vidaregåande opplæring, har ingen slik rett med mindre dei er viste til dette frå kommunen eller NAV. Utdanningsdirektoratet har fastsett retningslinjer for realkompetansevurdering av vaksne i vidaregåande opplæring.

#### **66.2.15 Overgangen frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa**

Etter privatskolelova § 5-5 skal skolen samarbeide med barnehagen om overgangen frå barnehage til skole. Samarbeidet skal bidra til at barna får ein trygg og god overgang, og det er skolen som har ansvaret for samarbeidet. Regelen er i samsvar med dagens opplæringslov § 13-5.

Til liks med opplæringslova har ikkje privatskolelova reglar om plikt til å samarbeide om at elevane skal få ein trygg og god overgang frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa.

#### **66.2.16 Personalet i skolen**

Privatskolar skal ha ei forsvarleg fagleg, pedagogisk og administrativ leiing, jf. privatskolelova § 4-1. Kompetansekrava for undervisningspersonale i

opplæringslova §§ 10-1 og 10-2 med tilhøyrande forskrifter, § 10-6 om mellombels tilsetjing og § 10-6 a om tilsetjing på vilkår gjeld også for privatskolan, jf. privatskolelova § 4-2.

Departementet kan godkjenne alternative kompetansekraav for skolar som er godkjende med alternative læreplanar enn dei krava som følgjer av opplæringslova §§ 10-1 og 10-2, sjå privatskolelova § 4-2 tredje ledd.

Etter privatskolelova § 5-2 andre ledd bokstav i skal styret sørge for å ha rett og nødvendig kompetanse i verksemda. Styret skal ha eit system som gir undervisningspersonale, skoleleiarar og personale med særoppgåver ved skolen høve til nødvendig kompetanseutvikling, med sikte på å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kunnskapen og halde seg orienterte om og vere på høgd med utviklinga i skolen og samfunnet.

Personale som ikkje er tilsette i ei undervisningsstilling, skal ikkje ha ansvar for opplæringa. Dette følgjer av privatskolelova § 4-5. Regelen svarer til regelen i opplæringslova § 10-11.

Vidare seier paragrafen at personar som ikkje er tilsette i undervisningsstilling, kan hjelpe til i opplæringa dersom dei får nødvendig rettleiing. Hjelpa må skje på ein slik måte og i eit slikt omfang at elevane får forsvarleg utbytte av opplæringa. Kva som er nødvendig rettleiing, vil variere ut frå kva oppgåver den tilsette skal utføre, og hens utdanningsbakgrunn og arbeidserfaring. Kva som er forsvarleg utbytte av opplæringa, må avgjera etter ei konkret vurdering, jf. Prop. 129 L (2012–2013) *Endringar i opplæringslova og privatskolelova (spesialundervisning m.m.)*, merknad til § 4-5.

Dagens lov regulerer ikkje vikarbruk i skolen.

#### **66.2.17 Politiattest og vandelskontroll**

I privatskolelova er det gitt tilsvarande reglar om politiattest og forbod mot tilsetjing som opplæringslova § 10-9. Departementet viser til omtale av dagens reglar i punkt 52.

#### **66.2.18 Definisjonen på omgrepa «vertskommune» og «vertsfylke»**

I privatskolelova § 1-3 er «heimkommune» og «heimfylke» definerte som den kommunen eller fylkeskommunen som har ansvaret for opplæringa til eleven. Lova har ingen definisjon på omgrepa «vertskommune» og «vertsfylke».

### **66.2.19 Presiseringar om reglar som ikkje gjeld vaksne**

Privatskolelova § 3-6 har reglar om spesialundervisning og pedagogisk-psykologisk teneste. I § 3-7 er det reglar om skyss. I § 3-6 femte ledd og § 3-7 fjerde ledd er det presisert at regelen ikkje gjeld opplæringstilbod spesielt organisert for vaksne.

### **66.2.20 Reglar i privatskolelova som gjeld skolar godkjende etter kapittel 6A**

Privatskolelova kapittel 6 A har reglar som gjeld skolar som gir yrkesretta opplæring som ikkje blir gitt ved vidaregåande offentlege skolar. Det er godkjent og i drift rundt 30 slik skolar. Fleirtalet, rundt 20 skolar, er bibelskolar. I tillegg finst det enkelte kunstskolar, enkelte skolar innan musikk og dans, ein yrkesdykkarskole m.m. I § 6 A-7 er det vist til kva for nokre andre reglar i privatskolelova utover reglane i kapittel 6 A som også gjeld for desse skolane så langt reglane passar.

## **66.3 Høyringsforslaget**

I arbeidet til departementet med forslag til ny opplæringslov er det arbeidd parallelt med å gå gjennom privatskolelova. Formålet er å sikre nødvendig samsvar mellom opplæringslova og privatskolelova og unngå utilsikta forskjellar. Høyringa omhandla derfor forslag til endringar i privatskolelova som følgje av forslag i ny opplæringslov. Fleire av forslaga i ny opplæringslov fører i hovudsak vidare det rettslege innhaldet i dagens opplæringslov, men har endringar i lovteksten og også nokre innhaldsmessige endringar. Departementet foreslo tilsvarande endringar i dei aktuelle reglane i privatskolelova, slik at innhald og lovtekst framleis skal vere i samsvar med opplæringslova.

### **66.3.1 Opplæringstilbodet**

I høyringa foreslo departementet mellom anna

- å lovfeste ein rett til vurdering og dokumentasjon og reglar om tap av retten til vurdering
- å lovfeste at barnetrinnet skal vere karakterfritt
- å lovfeste at inntil fem eller ti prosent av timane i kvart fag i grunnskolen kan flyttast til andre fag eller brukast til opplæring som er tverrfagleg

Departementet foreslo tilsvarande endringar i privatskolelova.

### **66.3.2 Det beste for eleven**

I høyringa foreslo departementet

- å lovfeste prinsippet om det beste for barnet i ei eiga og generell regel om det beste for eleven
- at prinsippet skal få utvida bruk samanlikna med Grunnlova og barnekonvensjonen ved at det skal gjelde for alle elevar, også elevar som har fylt 18 år

Departementet foreslo ein tilsvarande regel om det beste for eleven i privatskolelova.

### **66.3.3 Plikt til å vere aktivt med i opplæringa, oppfølgingsplikt ved fråvær og lekser**

I høyringa foreslo departementet

- å vidareføre at elevar skal vere aktivt med i opplæringa
- å lovfeste ei plikt for kommunane og fylkeskommunane til å følgje opp elevar som har fråvær frå opplæringa
- å presisere at den enkelte skolen kan påleggje elevane å gjere oppgåver utanfor skoletida (lekser), men slik at det må takast omsyn til at elevane har rett til både kvile og fritid

Departementet foreslo endringar i privatskolelova i samsvar med desse forslaga, mellom anna å innføre ei regel i privatskolelova om at eleven skal vere aktivt med i opplæringa.

### **66.3.4 Samarbeid mellom skolen og foreldra**

I høyringa foreslo departementet

- å vidareføre at skolen skal samarbeide med foreldra om opplæringa til eleven
- å vidareføre heimel for departementet til å gi forskrift om samarbeidet mellom skolen og foreldra, men slik at det ikkje er ei plikt til å gi forskrift

Forslaget omfatta tilsvarande endringar i privatskolelova.

### **66.3.5 Medverknaden til elevane og skoledemokratiet**

I høyringa foreslo departementet mellom anna

- å presisere i lova at elevane har rett til medverknad i alt som gjeld dei sjølve etter opplæringslova, at elevane skal få tilstrekkeleg og tilpassa informasjon og har rett til å ytre meiningsane sine fritt og bli høyrd, og at meiningsa til

elevane skal vektleggjast i samsvar med alderen og modnaden til eleven

- å presisere i lova at kommunar og fylkeskommunar skal sørge for at elevane og foreldra får vere med på å planleggje, gjennomføre og vurdere verksemda til skolen, mellom anna arbeidet med kvalitetsutvikling av opplæringa, skolemiljøet og å fastsetje skolereglar
- å lovfeste at skolen skal legge til rette for og oppmuntre til at alle elevane kan ytre seg og delta i skoledemokratiet
- å vidareføre at grunnskolar og vidaregåande skolar skal ha eit elevråd, men å lovfeste at elevane kan velje å organisere seg på ein annan måte

Departementet foreslo endringar i privatskolelova i samsvar med forslaget til ny opplæringslov.

### **66.3.6 Fjernundervisning**

I høyringa foreslo departementet mellom anna

- at det skal vere tillate å gjennomføre delar av opplæringa som fjernundervisning dersom kommunen og fylkeskommunen kan godtgjere at det er gode grunnar for det, og at opplæringa vil vere trygg og pedagogisk forsvarleg
- at fjernundervisning skal gjennomførast slik at elevane og læraren kan kommunisere effektivt med tekniske hjelpemiddel
- at elevar som hovudregel skal få fjernundervisning på skolen med enkelte unntak

Departementet foreslo tilsvarande endringar i privatskolelova. I tillegg foreslo departementet ein heimel til å gi forskrift om rapportering og dokumentasjon ved bruk av fjernundervisning. Departementet foreslo vidare at reglane om fjernundervisning også skal gjelde for skolar som er godkjende etter privatskolelova kapittel 6A (diverse skolar som gir yrkesretta opplæring). Departementet foreslo også at avgrensingane i verkeområdet til privatskolelova ikkje skal vere til hinder for bruk av fjernundervisning når vilkåra for bruk av fjernundervisning er oppfylte.

### **66.3.7 Tilpassa opplæring**

I høyringa foreslo departementet å vise til heile kapittel 11 i ny opplæringslov i privatskolelova § 3-6. Forslaget innebar mellom anna at regelen om tilpassa opplæring i § 3-4 a og regelen om intensiv opplæring på 1. til 4. trinn i § 3-4 b blir tekne ut av privatskolelova og blir erstatta med tilvising til dei tilsvarande reglane i opplæringslova kapittel 11.

### **66.3.8 Individuell tilrettelegging av opplæringa**

I høyringa foreslo departementet å vise til heile kapittel 11 i ny opplæringslov i privatskolelova § 3-6. Forslaget innebar mellom anna tilvisingar til ny opplæringslov § 11-4 til § 11-11. Forslaget inneber at dagens regulering med tilvising til reglane i opplæringslova om spesialundervisning blir vidareført.

### **66.3.9 Alternativ og supplerande kommunikasjon**

I høyringa foreslo departementet å vise til heile kapittel 11 i ny opplæringslov i privatskolelova § 3-6. Forslaget innebar mellom anna at regelen i § 3-14 om alternativ og supplerande kommunikasjon blir teken ut av privatskolelova og erstatta med tilvising til dei tilsvarande reglane i opplæringslova kapittel 11.

### **66.3.10 Intensiv opplæring for elevar i vidaregåande opplæring**

I høyringa foreslo departementet mellom anna å innføre ei plikt for fylkeskommunane til å tilby intensiv opplæring til elevar i vidaregåande opplæring når eleven står i fare for ikkje å bestå fag. Departementet foreslo å lovfeste ei tilsvarande plikt for dei private vidaregåande skolane godkjende etter privatskolelova.

### **66.3.11 Særskild språkopplæring for elevar som har eit anna morsmål enn norsk og samisk**

I høyringa foreslo departementet mellom anna

- å endre nemningar frå «særskild norskopplæring» til «forsterka opplæring i norsk» og frå «tospråkleg fagopplæring» til «tospråkleg opplæring i fag»
- å presisere i lova at elevar som har budd kort i Noreg, har rett til morsmålsopplæring med mindre dette er openbert unødvendig
- å vidareføre retten kommunane og fylkeskommunane har til å organisere heile eller delar av opplæringa i eigne klassar, grupper eller på eigne skolar (innføringsopplæring), og at dette blir regulert i eigne reglar

Departementet foreslo tilsvarande endringar i privatskolelova. I tillegg foreslo departementet å presisere i lova at retten til særskild språkopplæring

ikkje gjeld elevar ved internasjonale skolar i Noreg.

### **66.3.12 Fritak frå aktivitetar i opplæringa**

I høyringa foreslo departementet mellom anna å utvide retten til fritak slik at han også omfattar elevar i vidaregåande skolar. Departementet foreslo tilsvarande endring for elevar i private vidaregåande skolar godkjende etter privatskolelova. Departementet foreslo vidare at unntaket frå retten til fritak for aktivitet for elevar i private grunnskolar godkjende på livssynsgrunnlag også skal gjelde elevar i private vidaregåande skolar som er godkjende på livssynsgrunnlag. I tillegg foreslo departementet å endre ordlyden i privatskolelova § 3-12 frå «oppretta av religiøse grunnar» til «godkjent etter § 2-1 andre ledd bokstav a livsny».

### **66.3.13 Informasjonsplikta skolen har overfor elevar og foreldre**

I høyringa foreslo departementet å samle dagens reglar om plikta kommunen og fylkeskommunen har til å gi informasjon til elevar og foreldre, i ein paragraf. Departementet foreslo også å vidareføre at kommunen og fylkeskommunen skal gi elevane og foreldra deira den informasjonen dei treng, mellom anna om opplæringa, skolemiljøet, skolereglane og dei rettane og pliktene elevane elles har. Departementet foreslo ei tilsvarande regel i privatskolelova om plikta til å gi informasjon.

### **66.3.14 Inntak til private vidaregåande skolar godkjende etter privatskolelova**

I høyringa foreslo departementet

- å vidareføre dagens reglar om at ungdom med rett til vidaregåande opplæring skal ha prioritet framfor vaksne søkerar ved inntak
- at retten til yrkesfagleg rekvalifisering kan takast ut i ein privat vidaregåande skole

### **66.3.15 Overgangen frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa**

I høyringa foreslo departementet

- å innføre ei plikt for fylkeskommunen til å sørge for at elevane får ein trygg og god overgang frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa
- å innføre ei plikt for kommunane til å samarbeide med fylkeskommunane om overgangen til elevane frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa

Departementet foreslo at private skolar godkjende etter privatskolelova skal ha tilsvarande plikter, både når elevar kjem frå ein grunnskole godkjend etter privatskolelova og skal over i ein offentleg skole eller ein vidaregåande skole godkjend etter privatskolelova, og når elevar frå ein offentleg grunnskole skal byrje i ein vidaregåande skole godkjend etter privatskolelova.

### **66.3.16 Personalet i skolen**

I høyringa foreslo departementet mellom anna å innføre krav om forsvarleg vikarordning. Departementet foreslo tilsvarande endringar i privatskolelova.

### **66.3.17 Politiattest og vandelskontroll**

I høyringa foreslo departementet mellom anna

- å vidareføre dagens reglar om politiattest og tilsetjingsforbod
- å utvide personkrinsen slik at personar som skal ha praksis i skolen, skolefritidsordninga, leksehjelpa, leirskolar, kulturskolen og skoleliknande aktivitetstilbod, blir inkluderte i kravet om å leggje fram politiattest
- å utvide området for kva straffebod som skal noterast på ein politiattest
- å klargjere området for tilsetjingsforbodet

Forslaget innebar tilsvarande endringar i privatskolelova. Departementet foreslo i tillegg at reglane om politiattest og vandelskontroll også skal gjelde diverse skolar som gir yrkesretta opplæring, jf. privatskolelova kapittel 6A.

### **66.3.18 Forslag om å lovfeste definisjonen på omgrepa «vertskommune» og «vertsfylke»**

I høyringa foreslo departementet å lovfeste definisjonen på omgrepa «vertskommune» og «vertsfylke».

### **66.3.19 Forslag om å oppheve overflødige presiseringar om reglar som ikkje gjeld vaksne**

I høyringa foreslo departementet å oppheve presiseringane i privatskolelova § 3-6 femte ledd og § 3-7 fjerde ledd om at paragrafane ikkje gjeld opplæringstilbod spesielt organisert for vaksne.

### **66.3.20 Forslag om å leggje til tilvisingar til reglar i privatskolelova som gjeld skolar godkjende etter kapittel 6A**

I høyringa foreslo departementet å endre privatskolelova § 6A-7 slik at delar av formålsregelen, reglane om fjernundervisning, internkontroll og plikt til å arbeide med kvalitetsutvikling også skal gjelde for skolar som gir yrkesretta opplæring som ikkje blir gitt ved vidaregåande offentlege skolar, jf. privatskolelova kapittel 6A.

## **66.4 Høyringsinstansane syn**

Det er om lag 50 høyringsinstansar som har uttalt seg til dei ulike forslaga i privatskolelova.

### **66.4.1 Opplæringstilbodet**

Ingen av høyringsinstansane er imot forslaga om å lovfeste ein rett til vurdering og dokumentasjon, om tap av retten til vurdering eller om å lovfeste at barnetrinnet skal vere karakterfritt. *Kristne Friskolers Forbund* og *Blå Kors* støttar forslaget.

Dei høyringsinstansane som har uttalt seg til forslaget om å lovfeste at inntil 5 eller 10 prosent av timane i kvart fag i grunnskolen kan flyttast til andre fag eller brukast til opplæring som er tverrfagleg, også skal gjelde for skolar godkjende etter privatskolelova, støttar forslaget. *Kristne Friskolers Forbund*, *Montessori Norge* og *NLA Høgskolen* meiner det bør vere ein fleksibilitet på 15 prosent uavhengig av kva som blir fastsett for offentlege skolar. Dette vil gi dei private skolane eit reelt høve til å styre eigenarten sin samanlikna med offentlege skolar.

*Utdanningsdirektoratet* presiserer at fleksibiliteten på 5 eller 10 prosent ikkje må forvekslast med at nokre privatskolar kan synleggjere grunnlaget sitt i fag- og timefordelinga til skolen ved å flytte timer mellom fag. Synleggjering av grunnlaget til skolen må godkjennast av direktoratet. Fleksibiliteten på 5 eller 10 prosent kan brukast for å styrke eit lokalt behov i eitt eller fleire fag, for klassar eller grupper, for kvart enkelt skoleår.

### **66.4.2 Det beste for eleven**

*Montessori Norge*, *Blå Kors* og *Kristne Friskolers Forbund* meiner ein regel om det beste for barnet gir privatskolen lite handlingsrom til å gjennomføre fornuftige avgjerder. Som døme nemner desse høyringsinstansane at det ikkje vil vere tvil om at det er til det beste for søkeren om han eller

ho får ja på søknaden sin om inntak ved skolen, men skolen må nokre gonger seie nei fordi skolen ikkje har kapasitet til å ta inn alle som søker. Tilsvارande kan ein finne andre situasjonar der det beste sett frå synsvinkelen til eleven ikkje er den beste avgjerda vurdert ut frå totalsituasjonen. Noko vil handla om at privatskolen har avgrensa økonomiske ressursar. Desse høyringsinstansane peikar også på at i bortvisingssaker vil det beste for eleven neppe vere mest framståande. Det beste for eleven vil vere å få opplæring, likevel må ein privatskole nokre gonger vise bort ein elev i tråd med regelverket. *Montessori Norge*, *Kristne Friskolers Forbund* og *Blå Kors* meiner dermed at forslaget ikkje erkjenner at ein privatskole ofte må ta avgjerder baserte på heilskapsvurderingar, og meiner forslaget går uforholdsmessig mykje lengre i å gi brukaren av privatskolen rettar enn den menneskerettsregelen som paragrafen blir grunnlagt med, gir grunnlag for.

*Kristne Friskolers Forbund* og *Blå Kors* uttaler mellom anna:

I en friskole med begrensende ressurser og med saker der mennesker i svært ulike roller og situasjoner involveres, vil det alltid være behov for å basere avgjørelser på helhetlige vurderinger. Når loven peker ut eleven som den skal ha førsteretten til avgjørelser i egen favør, skaper det antagelig flere problemer enn om elevene ble gitt mer realistiske forestillinger om hvilket grunnlag avgjørelser må fattes på.

### **66.4.3 Plikt til å vere aktivt med i opplæringa, oppfølgingsplikt ved fråvær og lekser**

*Blå Kors* og *Kristne Friskolers Forbund* støttar forslaget om ei lovfesta plikt for eleven til å vere med aktivt med i opplæringa, oppfølgingsplikta til skolen ved fråvær og at skolen kan påleggje elevane å gjere oppgåver utanfor skoletida (lekser).

### **66.4.4 Samarbeid mellom skolen og foreldra**

*Kristne Friskolers Forbund* og *Blå Kors* er samde i forslaget om at skolane skal ha plikt til å samarbeide med foreldra, men saknar setninga frå dagens regel om at organiseringa av foreldresamarbeidet skal ta omsyn til lokale forhold. For privatskolar vil lokale forhold variere sterkt. Både steinerskolar, montessoriskolar og kristne skolar vil ha behov for å forma ut foreldresamarbeidet i tråd med godkjenningsgrunnlaget til skolen. Den

nye regelen er antakeleg ikkje til hinder for dette, men det vil gi klarare signal til brukarane av skolen om det blir lovfesta ei plikt til å vareta lokale omsyn som til dømes godkjenningsgrunnlaget kan vere. *Montessori Norge* støttar også forslaget om plikta skolane har til å samarbeide med foreldra, men det må vere tydeleg at samarbeid og involvering skjer innanfor den godkjende læreplanen i skolen, metode, dei lokale føresetnadene til privatskolen og det grunnlaget skolen er godkjend på.

#### **66.4.5 Medverknaden til elevane og skoledemokratiet**

Det er ingen høyringsinstansar som er imot forslaga til reglar om medverknad og skoledemokrati. *Videreskolene AS* støttar forslaget til nytt kapittel 5A.

*Montessori Norge, Blå Kors og Kristne Friskolers Forbund* støttar forslaget om å lovfeste retten elevane har til medverknad i alt som gjeld dei sjølve, etter privatskolelova. Desse høyringsinstansane viser til at etterhaldet i forslaget om at meiningsa til elevane skal få vekt ut frå alderen på eleven, er viktig. *Montessori Norge* meiner det bør vere eit etterhald om at retten til medverknad ikkje skal gå lenger enn at skolen framleis kan halde på alternativiteten sin og godkjenningsgrunnlaget sitt.

*Montessori Norge, Blå Kors og Kristne Friskolers Forbund* meiner forslaget om skoledemokratiet går for langt i å trekka brukarane av skolen inn i arbeidet til skolen. Når elevar og foreldre har gjort eit medvite val om å søkje privatskolen, betyr det at dei har gitt ei tilslutning til den planlegginga og gjennomføringa skolen gjer av verksemda.

*Kristne Friskoler Forbund* og *Blå Kors* meiner at medråderetten ligg i det å velje leverandør av opplæringstenesta, ikkje å forma ut den tenesta som den private aktøren tilbyr. Dersom foreldre og elevar blir gitt utvida innverknad på planlegging og gjennomføring av skoleverksemda, risikerer ein at godkjenningsgrunnlaget til skolen anten blir vatna ut, eller at praksis blir trekt bort frå godkjenningsgrunnlaget. Det er viktig at ansvaret styret har for drifta ikkje blir hola ut.

*Kristne Friskolers Forbund* meiner det er lite tenleg å ta ut av lova beskrivinga av kven som utgjer foreldrerådet. Dagens regel i § 5-4 seier at alle foreldre som har barn i skolen, er medlemmer i foreldrerådet. Forbundet foreslår at ei tilsvarende regel blir teken inn i forslaget til § 5A-5 om organiseringa av skoledemokratiet.

*Kristne Friskolers Forbund* støttar forslaget om større fleksibilitet ved skiping av brukarorgan for elevane. I dagens privatskolelov er det krav om elevråd for 5. til 10. årstrinn. Forslaget inneber ei plikt for elevane til å organisere seg uansett kva trinn dei tilhører. *Kristne Friskolers Forbund* meiner plikta til organisere elevråd eller tilsvarande i grunnskolen bør avgrensast til 5. til 10. trinn som i dag.

*Blå Kors* støttar forslaget om større fleksibilitet ved skiping av brukarorgan for elevane.

*Fylkeskommunale ombod for barn og unge* meiner det ikkje bør vere valfritt om privatskolen har eit foreldreråd.

#### **66.4.6 Fjernundervisning**

Fleirtalet av høyringsinstansane som har uttalt seg til forslaget om fjernundervisning, støttar forslaget. Blant høyringsinstansane som støttar forslaget, er *Hørselshemmedes landsforbund, Fleksibel utdanning i Noreg, Norske Fag- og Friskolers Landsforbund, Blå Kors, Kristne Friskolers Forbund, Montessori Norge, Videreskolene AS* og *Virke*. *Blå Kors, Kristne Friskolers Forbund* og *Montessori Norge* påpeikar at det er viktig at skolen sjølv avgjer når fjernundervisning skal brukast.

*Hørselshemmedes landsforbund* meiner forslaget vil gi større grad av moglegheiter, valfridom og deltaking når det gjeld opplæring, og at dette kan bli spesielt viktig for elevar med ulike utfordringar.

*Fleksibel utdanning i Noreg* foreslår at det må komme tydeleg fram at privatskolane kan delta i samarbeid om opplæringsstilbod.

*Norske fag- og Friskolers Landsforbund* støttar at forslaget om fjernundervisning også skal gjelde skolar godkjende etter kapittel 6A i privatskolelova.

*Virke, Blå Kors og Kristne Friskolers Forbund* påpeikar at privatskolar både må kunne kjøpe og selje fjernundervisningstenester. *Kristne Friskolers Forbund* uttaler mellom anna:

For at én friskole skal kunne kjøpe tjenesten fjernundervisning, er det nødvendig at en annen friskole skal kunne selge tjenesten. Friskoler må altså både kunne kjøpe og selge fjernundervisningstjenester.

Fjernundervisning vil være aktuelt når friskoler samarbeider om å tilby opplæring i fag som få elever velger, f.eks. spansk.

*Montessori Norge* viser til at fjernundervisning og montessoripedagogikk ikkje er spesielt kompatibelt, men støttar forslaget fordi det kan vareta behovet privatskolar har for å gi eleven tilbod i fag som det elles ikkje ville vore mogleg å tilby.

*Utdanningsforbundet* støttar ikkje eit forslag til endring i privatskolelova om fjernundervisning som går ut over dagens regulering i opplæringslova med små justeringar.

*Virke* ser ikkje behov for at privatskolar skal ha strengare krav enn offentlege skolar når det gjeld krav til rapportering og dokumentasjon, gitt at vilkåra for godkjenning av fjernundervisning er oppfylte.

#### 66.4.7 Tilpassa opplæring

*Montessori Norge*, *Kristne Friskolers Forbund* og *Blå Kors* støttar ikkje forslaget om at det skal visast til heile kapittel 11 i ny opplæringslov. Desse høyringsinstansane åtvarar mot ei utforming av lovverket for privatskolar som inneber at «kommune» og «fylkeskommune» i opplæringslova må omsetjast til «styret til privatskolen» når reglane blir lesne, for å forstå kva plikter privatskolen har.

*Kristne Friskolers Forbund* og *Blå Kors* ser fordele med å presisere ansvaret for å sikre at elevane får tilfredsstillande utbytte av opplæringa. *Kristne Friskolers Forbund* og *Blå Kors* meiner regelen må komme fram direkte av privatskolelova slik at det blir tydeleg at det er privatskolen som er pliktsubjektet og ikkje kommunen eller fylkeskommunen.

*Kristne Friskolers Forbund*, *Blå Kors*, *Steinerskoleforbundet* og *Montessori Norge* er usamd i forslaget om at dagens regel om intensiv opplæring på 1. til 4. trinn blir teken ut av privatskolelova § 3-4 b og erstatta med ei tilvising til opplæringslova. Dersom regelen kjem fram direkte av privatskolelova, blir det tydeleg at det er privatskolen som er pliktsubjektet og ikkje kommunen eller fylkeskommunen.

#### 66.4.8 Individuell tilrettelegging av opplæringa

*Likestillings- og diskrimineringsombodet* viser til at funksjonshemma barn har rett til likeverdige utdanningsmoglegheiter og skal ha dei same valmoglegheitene som andre barn når det gjeld kva skole dei ønskjer å gå på. Dersom funksjonshemma barn ikkje får nødvendig tilrettelegging ved privatskolar, vil det bety at dei heller ikkje har ei reell valmoglegheit. Det kan vere i strid med

forbodet mot diskriminering i likestillings- og diskrimineringslova. Ombodet meiner derfor det bør komme klart fram av privatskolelova at elevar har dei same rettane når det gjeld individuell tilrettelegging som elevar ved offentlege skolar.

*Kristne Friskolers Forbund* og *Blå Kors* åtvarar mot ei utforming av regelverket som inneber at «kommune» og «fylkeskommune» brukte i opplæringslova må tolkast til «styret til privatskolen» for å forstå kva plikter privatskolen har. Desse høyringsinstansane meiner det er ei stor svakheit i høyringsnotatet at bruken av forslaget til kapittel 11 i ny opplæringslov ikkje blir drøfta for privatskolar.

*Montessori Norge*, *Kristne Friskolers Forbund* og *Blå Kors* set spørjeteikn ved om forslaget til § 11-4 i ny opplæringslov om personleg assistanse kan reknast for å vere ei vidareføring av dagens reglar om spesialundervisning. Desse høyringsinstansane viser til at praksis i dag er at elevar i privatskolar ikkje får dekt som spesialundervisningar kostnader til assistent som hjelper elevar med toalettbesøk, sørger for medisining eller gir tilsvarande hjelp. Eventuell dekning av slike kostnader skjer over budsjettet til kommunen for helse- og omsorgstenester. *Kristne Friskolers Forbund* og *Blå Kors* meiner retten privatskoleelevar har til personleg assistanse, blir lovfesta, men dette må gjerast med ein regel i privatskolelova som slår fast at kostnadene til slik assistanse skal dekkjast av heimkommunen eller heimfylket til eleven.

*Montessori Norge*, *Kristne Friskolers Forbund* og *Blå Kors* set også spørjeteikn ved om forslaget til § 11-5 i ny opplæringslov om fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel kan sjåast på som ei vidareføring av dagens regel om spesialundervisning. Desse høyringsinstansane er ikkje kjende med at nokon privatskolar har fått vedtak om spesialundervisning som inneber at privatskolen gjer fysiske tilretteleggningar finansierte av den som finansierer spesialundervisninga, det vil seie heimkommunen eller heimfylket. *Kristne Friskolers Forbund* og *Blå Kors* meiner retten privatskoleelevar har til fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel, blir lovfesta, men dette må gjerast med ein regel i privatskolelova som slår fast at kostnadene til fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel må dekkjast av heimkommunen eller heimfylket.

*NLA Høgskolen* viser også til forslaga i ny opplæringslov om å skilje ut reglane om personleg assistanse og fysisk tilrettelegging som separate rettar, og uttaler at det ikkje har vore slik at dette kunne inngå i spesialundervisning i privatskolar. Når dette no blir presisert, må det også gjelde pri-

vatskolane og finansierast av kommunen eller fylkeskommunen.

*Kristne Friskolers Forbund* viser til at dagens reglar om at retten til opplæring kan utvidast med inntil to år for elevar som har rett til spesialundervisning når fylkeskommunen gjer vedtak om dette, ikkje er vidareførte verken i opplæringslova eller i privatskolelova. Det kan derfor ikkje lesast ut av regelverket om det kan planleggjast for slik opplæring. *Kristne Friskolers Forbund* oppmodar departementet til å tenkje gjennom denne problemstillinga. Opplæringsretten må vere den same for elevar i offentlege skolar og i private skolar.

*Montessori Norge* meiner det er av avgjerande betydning at innhaldet i den sakkunnige vurderinga tek omsyn til og blir utarbeidd i samsvar med den godkjende læreplanen i skolen.

#### **66.4.9 Alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)**

*Montessori Norge*, *Kristne Friskolers Forbund* og *Blå Kors* støttar ikkje forslaget om at det skal visast til heile kapittel 11 i forslaget til ny opplæringslov. Desse høyringsinstansane meiner regelen om opplæring av elevar med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon framleis bør stå i privatskolelova.

#### **66.4.10 Særskild språkopplæring for elevar som har eit anna morsmål enn norsk og samisk**

Det er ingen høyringsinstansar som har merknader direkte knytte til høyringsforslaget.

#### **66.4.11 Fritak frå aktivitetar i opplæringa**

*Samarbeidsrådet for trus- og livssynssamfunn*, *Blå Kors*, *Noregs kristne råd* og *Kristne Friskolers Forbund* støttar departementets forslag.

*Human-etisk forbund* er ikkje samde i at det skal vere unntak frå fritaksretten. Forbundet viser at det er viktig å vareta privatskolane i lovverket for å sikre rettane til foreldra, men det må samtidig vere mogleg å sikre dei individuelle rettane til barnet. Rettane til elevar bør vere generelle og bør ikkje differensierast for å halde på legitimitten til definisjonen mellom ulike typar skoler.

*Skeiv ungdom* meiner det må lovfestast eksplisitt i privatskolelova at elevar ikkje kan få fritak frå undervisning om kjønn og seksualitet basert på livssyn.

#### **66.4.12 Informasjonsplikta skolen har overfor elevar og foreldre**

*Kristne Friskolers Forbund* og *Blå Kors* har merka seg at skolen er gjort til pliktsubjekt i privatskolelova og meiner det er ein god måte å adressere informasjonsplikta på. *Kristne Friskolers Forbund* og *Blå Kors* påpeikar at privatskolar blir pålagde same informasjonsplikt som offentleg skole, men blir nekta tilgang til dei sikre, digitale kommunikasjonskanalane og informasjonskjeldene som offentleg skole har tilgang til. Privatskolar får ikkje tilgang til til dømes KS Svarut og liknande tenester for kommunar og fylkeskommunar, og privatskolar får ikkje tilgang til opplysningar om foreldra til barnet i Folkeregisteret. *Kristne Friskolers Forbund* viser til at elevar i privatskolar også er innbyggjarane i kommunen. Det er derfor rett at kommunen som forvaltningsorgan gir privatskolar rett til å bruke det digitale verktøyet til forvaltningsorganet for sikker kommunikasjon. Departementet bør bidra til heilsakplege ordningar og likebehandling av innbyggjarane i kommunen uavhengig av skoleval.

*Montessori Norge* uttaler seg tilsvarende som *Kristne Friskolers Forbund* og *Blå Kors*. Virke meiner privatskolelova bør endrast slik at privatskolar kan innhente informasjon som er nødvendig for å oppfylle pliktene sine.

*Statsforvaltaren i Troms og Finnmark* meiner plikta for kommunar, fylkeskommunar og private skoleeigarar til å informere om retten til samisk opplæring bør lovfestast.

#### **66.4.13 Inntak til private vidaregåande skolar godkjende etter privatskolelova**

*Videreskolene AS* uttaler at det er positivt at retten til vidaregåande opplæring er utvida og forenkla gjennom tilvisinga til ny opplæringslov.

*Blå Kors*, *Norske Fag- og Friskolers Landsforbund*, *Kristne Friskolers Forbund* og *Natur vidaregåande skole* støttar forslaget om at retten til yrkesfagleg rekvalifisering kan takast ut på ein privat vidaregåande skole.

*Utdanningsdirektoratet* uttaler at det kan stå fram som om retten til omval og rett til påbygg til generell studiekompetanse ikkje gjeld for elevar i private vidaregåande skolar.

#### **66.4.14 Overgang frå grunnskole til vidaregåande opplæring**

Ingen høyringsinstansar er usamde i forslaget om ein ny regel om overgang frå grunnskole til vidi-

regående opplæring. *Norsk Forbund for utviklingshemmede* støttar forslaget om å innføre ei plikt for fylkeskommunen til å sørge for at elevane får ein trygg og god overgang frå grunnskolen til vidaregåande opplæring, og at kommunen eller den private skolen skal samarbeide med fylkeskommunen.

*Kristne Friskolers Forbund* og *Blå Kors* har samanfallande utsegner, og *Montessori Norge* støttar innspelet frå *Kristne Friskolers Forbund*. Desse høringsinstansane er samde i at skolen skal vere pliktsubjektet. Dersom reglane kan føre til betre informasjonsflyt og betre samarbeid om overgangar mellom offentlege skolar og private skolar, meiner dei reglane har noko for seg. Desse tre høringsinstansane meiner det bør komme fram av lova skal få nødvendig informasjon om frå grunnskolen om moglege søkjavar til skolane eller opplysningar om elevar som er tekne inn på skolen. Skolane må få tilgang til sikker informasjon om foreldra til ein elev, det vil seie både personnummer og informasjon om foreldra har felles foreldreansvar.

*Statsforvaltaren i Agder* foreslår at avgivarskolen får ei plikt til å ta opp med elev og føresett om dei kan få samtykkje til å dele informasjon som det er viktig at neste skole kjenner til. Ved å få tilstrekkeleg informasjon om kvar enkelt elev og situasjonen til eleven kan mottakarskolen førebu seg på å skape eit best mogleg skolemiljø for eleven og andre på skolen. Dette er ei også særleg utfordring for privatskolar som kan oppleve at elevar blir tekne inn og sluttar utan noka form for informasjon mellom skolar.

#### 66.4.15 Personalet i skolen

*Kristne Friskolers Forbund* og *Blå Kors* påpeikar at forslaget inneber at dagens heimel til å gi forskrift om at det ikkje skal stillast krav om relevant kompetanse i enkelte fag, ikkje er vidareført i lovfor slaget. I merknaden til lovfor slaget er det uttalt at dagens forskriftsheimel blir vidareført. *Kristne Friskolers Forbund* og *Blå Kors* meiner at den foreslatte ordlyden i forskriftsheimelen er overflødig fordi det same følgjer direkte av lova. Desse høringsinstansane foreslår å vidareføre ordlyden i dagens forskriftsheimel.

*Blå Kors, Montessori Norge* og *Kristne Friskolers Forbund* har kommentert forslaget om å innføre krav i om forsvarleg vikarordning i privatskolelova. Desse høringsinstansane meiner forslaget er unødvendig, og at forslaget vil medføre meir tid

til dokumentasjon og rapportering utan at elevane nødvendigvis får betre opplæring.

*Blå Kors og Kristne Friskolers Forbund* viser til at det er tilstrekkeleg lovregulert at dei som ikkje er tilsette i lærarstilling, ikkje skal ha ansvar for opplæringa, og at den foreslalte presiseringa er unødvendig.

#### 66.4.16 Politiattest og vandelskontroll

*Kristne Friskolers Forbund* og *Blå Kors* støttar forslaget.

#### 66.4.17 Lovfeste definisjonen på omgrepene «vertskommune» og «vertsfylke»

Ingen høringsinstansar har hatt merknader til dette forslaget.

#### 66.4.18 Oppheve overflødige presiseringar om reglar som ikkje gjeld vaksne

Ingen høringsinstansar har hatt merknader til dette forslaget.

#### 66.4.19 Leggje til tilvisingar til reglar i privatskolelova som gjeld skolar godkjende etter kapittel 6A.

*Utdanningsdirektoratet* støttar forslaget, men foreslår i tillegg endringar i § 1-2 i lova og § 1-3 for å få tydelegare fram skiljet mellom privatskolar som blir godkjende etter § 2-1 i lova og skolar godkjende etter kapittel 6A i lova.

*Kristne Friskoler Forbund* og *Blå Kors* støttar forslaget om å ta inn ei tilvising til formålsparagrafen i privatskolelova.

### 66.5 Departementets vurdering

#### 66.5.1 Opplæringstilbodet

I punkt 11 foreslår departementet mellom anna å

- lovfeste ein rett til vurdering og dokumentasjon, og å vidareføre heimelen til å gi forskrift om vurdering, klage på vurdering og dokumentasjon
- lovfeste at departementet kan gi forskrift om tap av retten til vurdering med karakter
- lovfeste at barnetrinnet skal vere karakterfritt
- lovfeste at kommunen kan gi forskrift om at inntil 5 prosent av timane i kvart fag i grunnskolen skal flyttast til andre fag eller brukast til opplæring som er tverrfagleg

Departementet viser til vurderingane i punkt 11 og meiner dei same omsyna også gjeld skolar godkjende etter privatskolelova.

Departementet vil også, til liks med *Utdanningsdirektoratet*, presisere at den fleksibiliteten som i dag følgjer av forskrift til privatskolelova § 2A-1 andre ledd, ikkje må forvekslast med at nokre privatskolar kan synleggjere grunnlaget sitt i fag- og timefordelinga til skolen ved å flytte timer mellom fag. Fleksibiliteten på 5 prosent kan brukast for å styrke eit lokalt behov i eitt eller fleire fag, for klassar eller grupper, for kvart enkelt skoleår. I forskrift til privatskolelova er det reglar om korleis godkjenningsgrunnlaget til skolen skal synleggjerast i mellom anna læreplanane og høvet til å flytte timer mellom fag som er særleg viktige i forholdet grunnlaget til skolen. Utdanningsdirektoratet skal godkjenne synleggjeringa til skolen av grunnlaget.

### 66.5.2 Det beste for eleven

I punkt 10 foreslår departementet

- å lovfeste prinsippet om det beste for barnet i ein eigen paragraf om det beste for eleven
- at prinsippet om det beste for eleven skal ha ein vidare bruk enn Grunnlova og barnekonvensjonen, ved at det skal gjelde for alle elevar, også elevar som har fylt 18 år

Departementet har merka seg synspunkta til *Blå Kors*, *Kristne Friskolers Forbund* og *Montessori Norge* som ikkje støttar forslaget om ein ny paragraf med prinsippet om omsynet til det beste for eleven. Departementet viser til vurderingane i punkt 10 og legg til grunn at dei same vurderingane tilseier ein eigen paragraf om det beste for eleven også i privatskolelova. Departementet vil særleg understreke at paragrafen må tolkast i lys av Grunnlova og barnekonvensjonen og den praksisen som blir utvikla i samsvar med desse reglane. Alle søkjarar som blir tekne inn i privatskolar, er elevar, uavhengig av alder. Departementet meiner det er lite tenleg å ha ulike reglar for elevar under og over 18 år. Når det same prinsippet gjeld for alle elevar, gir det betre mogleigheter for skolen til å gjere heilskapleg vurderingar.

### 66.5.3 Plikt til å vere aktivt i opplæringa, oppfølgningsplikt ved fråvær og lekser

I punkt 13 foreslår departementet

- å vidareføre regelen om at elevar skal vere aktivt med i opplæringa

- å lovfeste ei plikt for kommunen og fylkeskommunen til å følgje opp elevar som har fråvær frå opplæringa
- å presisere at elevane kan bli pålagt å gjere lekser, det vil seie oppgåver utanom skoletida, og at det må takast omsyn til at elevar har rett til kvile og fritid

Departementet viser til vurderingane i punkt 13. For å unngå utilsikta forskjellar meiner departementet det bør lovfestes at også elevar i private skolar skal vere aktivt med i opplæringa. Private skolar bør ha ein tilsvarende plikt som kommunen og fylkeskommunen til å følgje opp elevar som har fråvær frå opplæringa.

### 66.5.4 Samarbeid mellom skolen og foreldra

I punkt 20 foreslår departementet

- å vidareføre at skolen skal samarbeide med foreldra om opplæringa til eleven
- at departementet kan gi forskrift om samarbeidet mellom skolen og foreldra

Departementet viser til vurderingane i punkt 20 og meiner tilsvarende bør gjelde for privatskolar.

Departementet har merka seg synspunkta frå høyningsinstansane om at det framleis bør vere lovfesta ei plikt til å vareta lokale omsyn og nemnar godkjenningsgrunnlaget som døme. Departementet meiner det ikkje er nødvendig å regulere dette i lova, og føreset at skolen legg til rette for at foreldresamarbeidet skjer i samsvar med reglane i privatskolelova og godkjenninga til skolen.

### 66.5.5 Medverknaden til elevane

I punkt 21 foreslår departementet mellom anna å

- lovfeste at elevane har rett til medverknad i alt som gjeld dei sjølv etter opplæringslova, at elevane har rett til å ytra meiningane sine fritt og bli høyrde, og at meiningane til elevane skal vektleggjast i samsvar med alderen og modnaden til eleven

Departementet viser til vurderingane i punkt 21 og meiner desse vurderingane gjeld tilsvarende for private skolar godkjende etter privatskolelova.

### 66.5.6 Skoledemokratiet

I punkt 22 foreslår departementet mellom anna å

- lovfeste at kommunen og fylkeskommunen skal sorgje for at elevane og foreldra får vere med på å planleggje, gjennomføre og vurdere

verksemda til skolen, mellom anna arbeidet med kvalitetsutvikling av opplæringa, skolemiljøet og å fastsetje skoleregler

- lovfeste at skolen skal legge til rette for at alle elevane skal kunne ytre seg, at skolen skal oppmunstre dei til å delta i skoledemokratiet, og at skolen skal hjelpe elevane i arbeidet med skoledemokratiet
- vidareføre at grunnskolar og vidaregåande skolar skal ha eit elevråd som er valt av elevane ved skolen, men lovfeste at elevane kan velje å organisere seg på annan måte

Departementet viser til vurderingane i punkt 22 og meiner desse vurderingane gjeld tilsvarande for private skolar godkjende etter privatskolelova.

Departementet har merka seg at *Montessori Norge, Kristne Friskolers Forbund* og *Blå Kors* meiner at ein utvida innverknad frå elevar og foreldre på planlegging og gjennomføring av skoleverksemda kan påverke godkjenningsgrunnlaget til skolen. Departementet presiserer at det vil vere opp til den private skolen å avgjere korleis medverknaden skjer i praksis. Styret til skolen har eit overordna ansvar for at skolen driv verksemda si innanfor rammene av gjeldande regelverk og innanfor ramma av godkjenningsgrunnlaget for skolen. Forslaget om medverknad inneber ikkje at verken foreldre eller elevar kan overprøve styret til skolen, og departementet føreset at det blir lagt opp til at medverknad skjer innanfor rammene av godkjenninga til skolen. Departementet meiner betydninga av at det er mogleg for foreldre og elevar å vere med på å planleggje, gjennomføre og vurdere verksemda, er like viktig for privatskolar som for offentlege skolar, og meiner derfor det bør innførast ein regel om skoledemokrati i privatskolelova som svarer til forslaget i ny opplæringslov.

I høyringa vart det foreslått å vidareføre kravet om foreldreråd både i forslaget til ny opplæringslov og i privatskolelova. Departementet har ikkje foreslått å vidareføre regelen om foreldreråd i forslaget til ny opplæringslov. Departementet meiner at regelen om foreldreråd i grunnskolar også bør takast ut av privatskolelova og erstattast med ein regel om at styret til skolen skal sørge for at det blir fastsett kva brukarorgan skolen skal ha. Det opnar for at styret til skolen kan fastsetje at skolen skal ha eit foreldreråd, og kva foreldrerådet skal vere.

Privatskolelova § 5-1 andre ledd fastset samansettninga i styret, mellom anna at det skal vere ein representant for foreldrerådet ved dei skolane som har slikt råd. I samsvar med vurderinga til

departementet om at kravet til foreldreråd i grunnskolar bør takast ut av privatskolelova, må kravet om foreldrerepresentasjon i § 5-1 andre ledd endrast slik at det ikkje lenger er knytt til kravet om foreldreråd.

Til Kristne Friskolers Forbunds forslag om at plikta til å organisere elevråd eller tilsvarande i grunnskolen bør avgrensast til 5. til 10. trinn som i dag, viser departementet til at forslaget i ny opplæringslov ikkje har den avgrensinga. Departementet meiner det ikkje er noko som tilseier at reglane skal vere ulike for offentlege grunnskolar og private grunnskolar på dette punktet.

### 66.5.7 Fjernundervisning

I punkt 15 foreslår departementet

- at det skal vere lov å gjennomføre delar av opplæringa som fjernundervisning dersom det er gode grunnar for det og det vil vere trygt og pedagogisk forsvarleg
- at elevar skal få fjernundervisning på skolen med enkelte unntak
- at fjernundervisning skal gjennomførast slik at lærar og elev kan kommunisere effektivt
- at kommunen og fylkeskommunen skal godtgjøre at vilkåra er oppfylte
- at departementet får heimel til å gi forskrift om fjernundervisning

Etter vurderinga til departementet ligg dei same omsyna til grunn for å regulere moglegheita til fjernundervisning uavhengig av om eleven går i ein offentleg skole eller i ein privatskole. Departementet viser til vurderingane i punkt 15.

Privatskolelova har i dag eit forbod mot kjøp av tenester, med unntak dersom kjøpet gjeld fjernundervisning. Departementet meiner det som hovudregel framleis bør vere ein hovudregel om forbod mot kjøp av tenester, og men at det bør vere lov med kjøp av fjernundervisningstenester. Departementet er samd med dei høyringsinstansane som peikar på behovet for at privatskolane både må kunne kjøpe og selje fjernundervisningstenester for å kunne sikre moglegheita for samarbeid mellom skolane. Privatskolelova har ikkje noko forbod mot sal av tenester. Etter privatskolelova § 2-2 kan ein privatskole drive tilleggsverksemnd som er nært knytt til skoleverksemda, og som utgjer ein mindre del av den totale verksemda. Sal av fjernundervisningstenester til annan privatskole vil etter vurderinga til departementet vere nært knytt til skoleverksemda. Departementet meiner det er tenleg at skolar kan

samarbeide om tilbod, og at lova ikkje skal vere til hinder for dette.

I privatskolelova § 6-3 er det lovfesta eit prinsipp om at statstilskotet og skolepengane frå elevane skal komme elevane til gode. Dette inneber at privatskolane har utbytteforbod og at all handel skal skje på marknadsmessige vilkår. Ved ei lovendring i 2015 vart forbodet mot å ta utbytte presert, mellom anna gjennom innføring av nye krav til innsyn og dokumentasjonsplikt. Det vart opna for at departementet i forskrift kan fastsetje reglar som pålegg skolane å bevise at handelen er skjedde på ordinære marknadsmessige vilkår. Med heimel i § 6-3 i lova er det gitt nærmere reglar om bruk av midlane og handelen til skolen med nærståande i økonomiforskrifta til privatskolelova kapittel 6.

Departementet har vurdert om kjøp og sal av fjernundervisningstenester vil gi auka risiko for brot på prinsippet i privatskolelova § 6-3 om at statstilskotet og skolepengane frå elevane skal komme elevane til gode. Risikoen vil særleg vere aktuell dersom det blir etablert ordningar med omfattande sal av fjernundervisningstenester frå nærståande selskap til ein privatskole. Vurderinga til departementet er at dagens reglar om utbytteforbod og handel med nærståande er tydelege. Utdanningsdirektoratets økonomitilsyn med skolar og domsaviserne dei seinare åra har bidrige til at staten har fått eit godt grunnlag for å avdekke brot på privatskolelova § 6-3 med forskrifter. Departementet vil likevel fortløpende vurdere om det skal stillast strengare krav til dei som handlar med dei private skolane.

Departementet meiner at dagens forskriftsheimel i privatskolelova § 1-2 tredje ledd siste punktum om rapportering og dokumentasjon ved fjernundervisning bør førast vidare. Departementet viser til at ein slik heimel er nødvendig for at Utdanningsdirektoratet som tilsynsmakt skal kunne følgje midlane og føre tilsyn med bruken av fjernundervisning i privatskolar.

Departementet meiner at forslaget i høyringa om at reglane om fjernundervisning også skal gjelde skolar godkjende etter privatskolelova § 6 A-1 bør følgjast opp. Departementet viser til at dei same omsyna som tilseier ei regulering om bruk av fjernundervisning også gjeld skolar som er godkjende etter § 6 A-1.

## 66.5.8 Tilpassa opplæring

I punkt 24 foreslår departementet

- å vidareføre plikta skolen har til å gi tilpassa opplæring

- å vidareføre, og å samle og gjere tydeleg i lova, plikta skolen har til å følgje med på utviklinga til elevane og å melde frå til rektor når det er tvil om at eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og å følgje opp ved å vurdere og setje i verk tiltak
- å vidareføre dagens reglar om intensiv opplæring for elevar på 1. til 4. trinn

Departementet viser til vurderingane i punkt 24 og meiner dei same vurderingane også gjeld for private skolar. Departementet viser til at dagens reglar om tilpassa opplæring og om intensiv opplæring på 1. til 4. trinn er dei same både for offentlege skolar og for private skolar. Desse reglane bør framleis gjelde uavhengig av om eleven går i ein offentleg skole eller i ein privatskole.

Departementet har vurdert innspela frå høyningsinstansane om at reglane om tilpassa opplæring og om intensiv opplæring på 1. til 4. trinn bør komme fram direkte av privatskolelova slik som i dag. Departementet er samd i at det er tenleg å vidareføre ordninga med at desse reglane kjem fram direkte i privatskolelova. Gjennom direkte lovregulering går det tydeleg fram at plikta til å sørge for tilpassa opplæring og intensiv opplæring på 1. til 4. trinn ligg til den private skolen.

## 66.5.9 Individuell tilrettelegging av opplæringa

I punkt 25 foreslår departementet mellom anna

- å vidareføre dagens regel om at elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til individuelt tilrettelagd opplæring
- å i hovudsak vidareføre ein lovregel som beskriv rammene for kva tilbodet om individuelt tilrettelagd opplæring skal gå ut på
- å innføre «individuelt tilrettelagd opplæring» som ny nemning på den delen av spesialundervisning som dreier seg om opplæring
- at personleg assistanse og fysisk tilrettelegging, som i dag kan inngå i spesialundervisning, blir skilde ut som separate rettar
- å presisere i paragrafen om fysisk tilrettelegging at denne retten inkluderer rett til opplæring i bruk av nødvendige hjelpemiddel
- å fjerne dagens lovregel om at eleven eller foreldra til eleven kan krevje at skolen gjer dei undersøkingane som er nødvendige for å finne ut av om eleven treng spesialundervisning, men å presisere i merknadene til reglane om individuell tilrettelegging at foreldre som meiner at barna deira ikkje får tilfredsstillande

- utbytte av opplæringa, kan krevje at kommunen i eit enkeltvedtak tar stilling til om eleven har rett til individuell tilrettelegging eller ikkje
- å vidareføre at lova skal regulere minimumskrav til innhaldet i den sakkunnige vurderinga
  - å presisere i lova at dei som skal gi individuelt tilrettelagd opplæring, må oppfylle (1) kompetansekrava for å bli tilsett i lærarstilling og (2) kompetansekrava for å undervise i dei enkelte faga
  - å vidareføre dagens unntaksregel om at kravet til at lærarane må ha relevant kompetanse i faga dei skal undervise i, kan fråvikast i vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring dersom ei konkret vurdering av eleven og den individuelle tilrettelagde opplæringa som skal givast, tilseier det
  - å innføre ein ny regel om at det kan gjerast unntak frå både (1) kompetansekrav for å kunne bli tilsett i undervisningsstilling og (2) krav om at lærarane må ha relevant kompetanse i faga dei skal undervise i, dersom personen som skal undervise, har ei universitets- eller høgskoleutdanning som gjer hen særleg eigna til å vareta behovet til eleven

Departementet viser til at reglane om spesialundervisning i dagens opplæring også gjeld for elevar i private skolar gjennom tilvising i privatskolelova § 3-6. Departementet understrekar at rettane som følgjer av forslaget i punkt 25, gjeld uavhengig om eleven går i ein offentleg skole eller i ein privatskole. Departementet er samd med *Likesstillings- og diskrimineringsombodet* at dette bør gå tydeleg fram i privatskolelova.

Forslaget inneber at personleg assistanse og fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel blir skilde ut som separate rettar. Dette er typar tilrettelegging som kan inngå i vedtak om spesialundervisning etter dagens reglar, og som elevar i privatskolar har rett til på lik linje med elevar i offentlege skolar. Forslaget fører dermed vidare dagens reglar, men med nye nemningar. Departementet understrekar likevel at retten til personleg assistanse knyter seg til moglegheita eleven har til å få tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Ein elev kan også ha personleg assistanse som eit helse- og omsorgstiltak. Opplæringslovutvalet har gjort rede for forholdet mellom spesialundervisning og helse- og omsorgstenester i NOU 2019: 23 punkt 31.3.5. Sjå også punkt 25.5.3.

Det er i dag heimkommunen eller heimfylket til eleven som gjer vedtak om spesialundervisning og dekkjer utgiftene til spesialundervisning. Forslaget om å dele dagens rett til spesialundervis-

ning i tre separate rettar, inneber inga endring i dette. Etter forslaget vil det dermed vere heimkommunen eller heimfylket til eleven som gjer vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring, personleg assistanse og fysisk tilrettelegging. Høve til å gjere slike vedtak kan, som i dag, delegerast til den enkelte private skolen. Vidare er det heimkommunen eller heimfylket til eleven som dekkjer utgiftene til dei ulike formene for individuell tilrettelegging. Kravet er at heimkommunen eller heimfylket skal dekkje slike utgifter i private skolar på lik linje med offentlege skolar. Sjå nærmere om kommunens og fylkeskommunens økonomiske ansvar i Prop. 78 L (2016–2017) punkt 3 og presiseringen frå Kunnskapsdepartementet i brev 17. juni 2021 til Utdanningsdirektoratet.

På bakgrunn av at det i forvaltningspraksis har vore tvil om det, presiserte departementet i brev 7. april 2022 til Sandefjord kommune at tildelinga kommunen og fylkeskommunen gjer av midler til spesialundervisning i private skolar, er enkeltvedtak. Departementet foreslår at denne presiseringa nå tas inn i lova. Departementet opplyser for ordens skyld at det ikkje er fastsett nokon særreglar om klageinstans for vedtak om tildeling av midler. Det er dermed dei ordinære reglane i forvaltningslova § 28 som gjeld. Klageinstansen for slike vedtak er kommunestyret eller fylkestinget, eller formannskapet eller fylkesutvalget eller ein eller fleire særskilde klagenemnder oppnemnd av kommunestyret eller fylkestinget.

#### **66.5.10 Alternativ og supplerande kommunikasjon**

I punkt 26 foreslår departementet å vidareføre dagens reglar om alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK).

Departementet har merka seg innspela frå høyringsinstansane om at reglane om tilpassa opplæring, intensiv opplæring på 1. til 4. trinn og om alternativ og supplerande kommunikasjon bør framgå direkte i privatskolelova. Departementet er samd i at det er tenleg at desse reglane framleis følgjer direkte av privatskolelova. Departementet viser til punkt 26.

#### **66.5.11 Særskild språkopplæring for elevar som har eit anna morsmål enn norsk og samisk**

I punkt 28 foreslår departementet

- å vidareføre retten til særskild språkopplæring, inkludert morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring i fag

- å endre nemningar frå særskild norskopplæring til forsterka opplæring i norsk og frå tospråkleg fagopplæring til tospråkleg opplæring i fag
- å ikkje vidareføre regelen om plikt til å kartlegge ferdigheitene til eleven i norsk før kommunane eller fylkeskommunane gjer vedtak om særskild språkopplæring
- å vidareføre plikta kommunane og fylkeskommunane har til å vurdere ferdigheitene til eleven i norsk undervegs i opplæringa
- å vidareføre regelen om at kommunane og fylkeskommunane kan bestemme at eleven skal få opplæringa i morsmål ved ein annan skole enn den eleven går på
- å vidareføre retten kommunane og fylkeskommunane har til å organisere heile eller delar av opplæringa i eigne klassar, grupper eller på eigne skolar (innføringsopplæring), og at dette blir regulert i eigne paragrafar

Departementet viser til at privatskolelova har tilsvarende reglar om særskild språkopplæring for elevar som har eit anna morsmål enn norsk og samisk, som dagens opplæringslov. Departementet viser til vurderingane i punkt 28 som gjeld tilsvarende for privatskolar.

I samsvar med ny opplæringslov foreslår departementet å oppheve kommunens og fylkeskommunens plikt til å kartlegge kva for ferdigheter elevane har i norsk, før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring. Grunngivinga for forslaget er at denne kartleggingsplikta ikkje gir fleire plikter enn det som følgjer av forvaltningslova § 17 om forvaltningsorgans plikt til å opplyse ein sak før det blir gjort vedtak (utgreiingsplikta). Det er kommunen og fylkeskommunen som gjer vedtak om særskild språkopplæring også for elevar i private skolar. Utgreiingsplikta inneber at kommunen og fylkeskommunen må greie ut saka og gjere nødvendige vurderinger før det blir gjort vedtak. Heimkommunen eller heimfylket må, som i dag, fortløpende vurdere utviklinga til elevar som har fått vedtak om særskild språkopplæring. Departementet føreset at det er dialog mellom den private skolen og kommunen eller fylkeskommunen slik at vedtaket ikkje blir halde ved lag lengre enn nødvendig.

Departementet meiner det bør presiserast at reglane om særskild språkopplæring ikkje gjeld elevar ved internasjonale skolar i Noreg. Reglane om særskild språkopplæring gjeld elevar som har eit anna morsmål enn norsk eller samisk. Reglane har til hensikt at elevane skal oppnå eit tilstrekkeleg kunnskapsnivå i norsk til å følgje den vanlege

opplæringa i skolen. Minoritetsspråklege elevar som kjem til Noreg, skal få hjelp til å kunne følgje den vanlege opplæringa ved skolen. Elevar ved ein skole som har engelsk som undervisningsspråk, har ikkje behov for særskild norskopplæring for å kunne følgje den vanlege opplæringa ved skolen fordi opplæringa går føre seg på engelsk. Departementet er kjent med at Utdanningsdirektoratet har tolka dagens reglar slik at retten til særskild språkopplæring ikkje gjeld elevar ved internasjonale skolar i Noreg. Departementet er samd i lovforståinga til direktoratet og meiner at ei presisering i lova om at reglane ikkje gjeld elevar ved internasjonale skolar, er i samsvar med gjeldande rettstilstand. Den same vurderinga gjeld for forslaget om ein eigen regel om innføringsopplæring.

#### **66.5.12 Fritak frå aktivitetar i opplæringa**

I punkt 35 foreslår departementet mellom anna å presisere ein rett til fritak frå aktivitetar i grunnskolen og den vidaregåande skolen på grunnlag av livssyn eller religion. Forslaget inneber at retten til fritak frå aktivitetar også skal gjelde elevar i vidaregåande skole. Slik departementet ser det, bør ein slik fritaksrett også gjelde elevar i private vidaregåande skolar. Departementet viser til vurderingane i punkt 35.

Departementet viser til at det i privatskolelova § 3-12 er gjort unntak frå retten til fritak for aktivitetar for elevar som går på private skolar godkjende på livssynsgrunnlag, jf. § 2-1 andre ledd bokstav a. Departementet meiner det same unntaket frå fritaksretten også bør gjelde elevar i vidaregåande skolar godkjende etter privatskolelova § 2-1 andre ledd bokstav a. Elles inneber ikkje forslaget nokon endringar i unntaket frå retten til fritak. Departementet viser til forarbeida til § 3-12, Ot.prp. nr. 37 (2002–2003), der departementet uttaler at det ikkje er ønskjeleg at elevar skal kunne be seg friteke frå delar av opplæring som inneber utøving av den religionen eller det etiske grunnlaget som skolen byggjer på.

Departementet meiner ordlyden i § 3-12 bør endrast slik at han er i samsvar med nemninga på godkjenningsgrunnlaget i § 2-1 andre ledd bokstav a.

#### **66.5.13 Informasjonsplikta til skolen overfor elevar og foreldre**

I punkt 19 foreslår departementet mellom anna å

- vidareføre at skolen skal gi elevane og foreldra deira den informasjonen dei treng, mellom

- anna om opplæringa, kvar enkelt elev, skolemiljøet, skolereglane og dei rettane og pliktene elevane elles har
- lovfeste ein overordna paragraf om plikta skolen har til å gi informasjon til elevar og foreldre, i éin paragraf.

Departementet viser til vurderingane i punkt 19 som gjeld tilsvarende for privatskolelova.

Når det gjeld innspela om at dei private skolane har behov for tilgang til opplysningar frå folkeregisteret, viser departementet til at private skolar gjer oppgåver på vegner av det offentlege, og at dei dermed kan få utlevert ikkje-teiepliktige opplysningar frå folkeregisteret etter folkeregisterlova § 10-1. Dei private skolane har ikkje heimel til å få utlevert teiepliktige opplysningar frå folkeregisteret. Det er dermed forskjell på tilgangen offentlege skolar har til folkeregisteropplysningar, og tilgangen dei private skolane har. Det er også ein forskjell når det gjeld behovet for opplysningar. Dei private skolane utfører oppgåver på vegner av det offentlege når det gjeld elevane som er tatt inn på den aktuelle skolen. Private skolar har ikkje ansvar for å sørge for opplæring til alle som er busette i ein kommune eller eit fylke. Dei private skolane har dermed ikkje same behov for opplysningar som kommunen og fylkeskommunen, og det er ikkje høve til å bruke opplysningar frå folkeregisteret til marknadsføringsformål. For ordens skyld presiserer departementet at opplysningar om ein forelder til ein person er underlagd teieplikta.

#### **66.5.14 Inntak til private vidaregåande skolar**

I punkt 40 foreslår departementet mellom anna

- å utvide retten til vidaregåande opplæring for ungdom og vaksne slik at han gjeld fram til den enkelt har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse
- å innføre ein yrkesfagleg rekvalifiseringsrett for dei som har studie- eller yrkeskompetanse frå før. Tilbodet skal givast innanfor reglane om vidaregåande opplæring for vaksne.
- å lovfeste ein uavgrensa rett til omval fram til søknadsfristen for inntak det året ungdommene fyller 19 år. Dei som ikkje har gjort omval før dette, har rett til eitt omval.

Desse forslaga har noko å seie for reglane om inntak av søkjrar til private vidaregåande skolar. Forslaga vil mellom anna føre til at fleire personar enn i dag får rett til vidaregåande opplæring.

Departementet legg til grunn at hovudvilkåret for inntak til private skolar framleis skal vere at søkeren fyller vilkåra for inntak til offentlege skolar. Det betyr at søkeren må ha rett til vidaregåande opplæring etter reglane i opplæringslova. Forslaget i punkt 40 om at personar mellom 19 og 25 år kan velje mellom vidaregåande opplæring for ungdom og vidaregåande opplæring for vaksne, har i realitetten inga betydning for reglane om inntak til private vidaregåande skolar. Alle som går i private vidaregåande skolar, har elevstatus og får den same opplæringa i heile fag, uavhengig av om personen har rett til vidaregåande opplæring som ungdom eller voksen. Private skolar kan ikkje få godkjennung for å tilby opplæring særleg organisert for vaksne.

Departementet meiner at dei som etter dagens reglar har førsteprioritet ved inntak, framleis bør ha det. Det betyr at dei som er i aldersgruppa 16 til 24 år, framleis skal ha førsteprioritet ved inntak. Departementet legg til grunn at forslaget om førsteprioritet for denne aldersgruppa er best i samsvar med dagens reglar om inntak og i samsvar med formålet i lova, jf. privatskolelova § 1-1 første ledd. Departementets forslag inneber dermed at søkerar som har fylt 24 år, og som har rett til vidaregåande opplæring som voksen, vil ha andreprioritet ved inntak i samsvar med dagens reglar.

Sidan hovudvilkåret for inntak til private vidaregåande skolar framleis skal vere at søkeren har rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova, meiner departementet det også bør vere mogleg å bruke retten til yrkesfagleg rekvalifisering i ein privat vidaregåande skole. Dei som etter forslaget i punkt 40 vil få ein yrkesfagleg rekvalifiseringsrett, er personar som etter dagens reglar ikkje har rett til vidaregåande opplæring fordi dei allereie har ein studie- eller yrkeskompetanse.

Departementet vil særleg trekke fram betydninga forslaget om yrkesfagleg rekvalifiseringsrett vil ha for dei private vidaregåande skolane som tilbyr opplæring i tradisjonshandverksfag, jf. privatskolelova § 2-1 andre ledd bokstav g. Departementet understrekar at dei som tek ut den yrkesfaglege rekvalifiseringsretten i ein privat vidaregåande skole, ikkje vil få opplæringa organisert som voksen, men at dei kan takast inn som elevar i fag dei ikkje har frå før.

Utvila rett til vidaregåande opplæring og rett til yrkesfagleg rekvalifisering inneber at det vil vere fleire av dei vaksne som søker seg til private vidaregåande skolar, som kan søkje på grunnlag av ein lovfesta rett til vidaregåande opplæring.

Departementet har merka seg synspunkta som har komme fram i høyringa om kravet til real-

kompetansevurdering ved inntak av vaksne søkerar. I høyringa la departementet til grunn at kravet om realkompetansevurdering framleis skal gjelde, med dei unntaka som kom i forskrifta i 2020, og som gjeld søkerar utan rett til vidaregåande opplæring i aldersgruppa 19 til 24 år og søkerar over 25 år med kort butid i Noreg. Departementet meiner at realkompetansevurdering er eit viktig verktøy i kompetansepolitikken. Departementet viser til at forslaget om utvida rett til vidaregåande opplæring og rett til yrkesfagleg rekvalifisering også vil gjere at fleire vaksne får rett til realkompetansevurdering. Ei realkompetansevurdering vil i enkelte tilfelle innebere at det berre er formal-kompetansen til søkeren som blir vurdert.

Til *Utdanningsdirektoratets* merknad om retten til omval og retten til påbygg til generell studiekompetanse, vil departementet understreke at retten til omval og retten til påbygg som i dag også skal gjelde elevar i private vidaregåande skolar. Departementet viser til at inntak til private vidaregåande skolar som hovudregel føreset at søkeren fyller vilkåra for inntak til offentlege skolar, og grunnlaget for inntak er dermed knytt til at søkeren har ein rett til vidaregåande opplæring. Det betyr at rett til omval og rett til påbygg til generell studiekompetanse også er grunnlag for inntak til ein privat vidaregåande skole. Forslaget i punkt 40 om i hovudsak å vidareføre dagens reglar om omval, men å oppheve avgrensinga på eitt omval fram til søknadsfristen for inntak det året ungdommene fyller 19 år, gjeld også for elevar i private vidaregåande skolar.

#### **66.5.15 Overgang frå grunnskole til vidaregåande opplæring**

I punkt 40 foreslår departementet mellom anna

- å innføre ei plikt for fylkeskommunen til å sørge for at elevane får ein trygg og god overgang frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa, og å innføre ei plikt for kommunen til å samarbeide med fylkeskommunen om overgangen

Departementet viser til vurderingane i punkt 40. Etter synet til departementet gjeld dei omsyna som er vurderte i punkt 40, også overgangen frå ein privat grunnskole til ein offentleg eller privat vidaregåande skole, og frå ein offentleg grunnskole til ein privat vidaregåande skole.

Plikta til å sørge for at elevane får ein trygg og god overgang frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa, og plikta til å samarbeide om overgangen bør derfor gjelde uavhengig av om

eleven kjem frå ein offentlege grunnskole eller ein privat grunnskole. Etter vurderinga til departementet bør plikta til å sørge for at elevane får ein trygg og god overgang frå grunnskolen til den vidaregåande skolen, liggje på dei private vidaregåande skolane. Dette vil vere best i samsvar med forslaget i ny opplæringslov om å innføre ei tilsvarende plikt for fylkeskommunane. Ein privat grunnskole vil etter forslaget ha ei plikt til å samarbeide med den vidaregåande skolen om overgangen.

Departementet vil understreke at det er behovet til den enkelte eleven for ein trygg og god overgang til vidaregåande opplæring som er hensikta bak regelen. Tiltaka skolane gjer for å oppfylle plikta, må derfor skje på premissane til eleven. Departementet har merka seg innspelet til høyringsinstansane om behovet for informasjon for å sikre overgangen mellom grunnskole og vidaregåande skole. Departementet viser til at overføring av personopplysningar må skje innanfor rammene for behandling av personopplysningar. Det er oppgåva om å sørge for at elevane får ein trygg og god overgang frå grunnskolen til den vidaregåande skolen, som vil gi rammene for kva opplysningar som kan behandlast, og i kva utstrekning. Dersom det er behov for å dele fleire opplysningar enn det skolen har rett til å innhente etter privatskolelova § 7-9, må det skje etter løyve frå eleven eller foreldra.

Departementet vil peike på behovet for at den enkelte eleven sjølv bør kunne bestemme kva opplysningar den private vidaregåande skolen får tilgang til. Enkelte elevar kan ha eit behov for å starte med blanke ark utan at opplysningar frå fortida følgjer med.

Når det gjeld innspelet frå *Statsforvaltaren i Agder* om behovet for informasjonsdeling mellom private skolar og offentlege skolar, viser departementet til at deling av opplysningar ved skolebytte og overganger er regulert i ny opplæringslov § 25-1 og privatskolelova § 7-9. Dei nemnde paragrafane opnar for deling av opplysningar mellom private og offentlege skolar til bestemte formål. I tillegg opnar dei for å dele opplysningar for å leggje til rette opplæring dersom eleven eller foreldra tillèt det. Sjå nærmere omtale i Prop. 145 L (2020–2021) punkt 2.4.5.

#### **66.5.16 Personalet i skolen**

I punkt 50 foreslår departementet mellom anna å lovfeste eit krav om at kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at skolane har tilgang på vikarar ved vanleg og forventa fråvær. Departementet viser til at dette vil være best i samsvar med forslaget i ny opplæringslov om å innføre ei tilsvarende plikt for fylkeskommunane. Ein privat grunnskole vil etter forslaget ha ei plikt til å samarbeide med den vidaregåande skolen om overgangen.

mentet viser til vurderingane i punkt 50 og meiner dei same omsyna tilseier at kravet om tilgang på vikarar også bør gjelde for privatskolar.

### **66.5.17 Politiattest og vandelskontroll**

I punkt 52 foreslår departementet mellom anna

- å vidareføre eit krav til politiattest for dei som skal tilsetjast fast eller mellombels i grunnskolen, den vidaregåande skolen, leksehjelpa eller skoleliknande aktivitetstilbod
- at kommunen og fylkeskommunen ut frå gitte kriterium kan krevje politiattest frå dei som skal ha praksis i skolen, leksehjelpa og skoleliknande aktivitetstilbod
- å vidareføre at kommunen og fylkeskommunen kan krevje politiattest frå personar som skal utføre oppgåver i grunnskolen, den vidaregåande skolen, leksehjelpa eller skoleliknande aktivitetstilbod
- å utvide området for kva straffebod som skal noterast på ein politiattest
- å presisere at det er eit tilsetjingsforbod ved merknader om seksuelle overgrep mot mindreårige
- å vidareføre kravet om at kommunen og fylkeskommunen skal vurdere konkret om ein person bør tilsetjast, ha praksis eller utføre oppgåver i grunnskolen, den vidaregåande skolen, leksehjelpa eller skoleliknande aktivitetstilbod, dersom politiattesten inneheld merknader om andre straffebrot enn dei som gir tilsetjingsforbod og merknader om verserande saker
- å innføre ein heimel for å fastsetje kva straffebod som skal medføre forbod mot tilsetjing og om innhenting og behandling av politiattest

Departementet viser til at dagens regel om politiattest og forbod mot tilsetjing i privatskolelova § 4-3 er i samsvar med regelen i opplæringslova § 10-9. Dei omsyna som er omtalte under vurderinga til departementet i punkt 52, gjeld tilsvarande for private skolar. Etter vurderinga til departementet bør reglane om politiattest og vandelskontroll også gjelde diverse skolar som gir yrkesretta opplæring, jf. privatskolelova kapittel 6 A. Departementet meiner dei same omsyna som ligg bak reglane om politiattest og tilsetjingsforbod, også gjeld for dei skolane som er godkjende etter privatskolelova § 6 A-1.

### **66.5.18 Definisjonen på omgrepa «vertskommune» og «vertsfylke»**

I samsvar med høyringa meiner departementet at definisjonen på omgrepa «vertskommune» og «vertsfylke» bør lovfestast. Departementet viser til at desse omgrepa mellom anna er brukte i privatskolelova § 2-1 første ledd om kven som har uttalerett ved søknader om godkjenning etter privatskolelova. Vertskommunen og vertsfylket er den kommunen eller fylkeskommunen der privatskolen ligg eller er planlagt etablert.

### **66.5.19 Presiseringar om reglar som ikkje gjeld vaksne**

I samsvar med høyringa meiner departementet at presiseringane om at reglane ikkje gjeld opplæringstilbod spesielt organisert for vaksne i privatskolelova § 3-6 og § 3-7 bør takast ut av lova. Desse presiseringane er unødvendige fordi privatskolelova ikkje opnar for godkjenning av opplæringstilbod spesielt organisert for vaksne. Presiseringane har vorte ståande i lova fordi ei tidegare lovforståing ikkje såg bort frå at det kunne bli godkjent tilbod særleg organisert for vaksne. Synet til departementet er nå at lova ikkje opnar for godkjenning av slike tilbod, grunngitt mellom anna i formålet i lova og prinsippet om at skolane skal stå opne for alle som fyller vilkåra for inntak til offentlege skolar, jf. privatskolelova § 3-1 første ledd.

### **66.5.20 Reglar i privatskolelova som gjeld skolar godkjende etter kapittel 6A**

Reglane om diverse skolar som gir yrkesretta opplæring, stod i privatskolelova kapittel 6 A fram til 1. juli 2010 då reglane vart flytta til vaksenopplæringslova.

Med verknad frå 1. januar 2021 vart reglane om desse skolane flytta frå vaksenopplæringslova kapittel 4 tilbake til privatskolelova kapittel 6 A. Flytinga er grunngitt i eit mål om å reindyrke vaksenopplæringslova. I forarbeida, Prop. 96 L (2019–2020), presiserte departementet at flytinga er reint teknisk og ikkje skulle innebere nokon innhaldsmessige endringar. Privatskolelova § 6 A-7 listar opp reglar i privatskolelova som gjeld skolar godkjende etter § 6 A-1 så langt desse reglane passar. Departementet har i ettertid vorte merksam på at § 6 A-7 manglar tilvisingar til nokre reglar i privatskolelova.

Departementet legg til grunn at reglane om formålet i privatskolelova § 1-1 gjeld så langt ho

passar. I Prop. 96 L (2019–2020) uttalte departementet at det berre er første ledd i § 1-1 som ikkje er relevant for skolar godkjende etter § 6 A-1. Andre og tredje ledd gir opp verdiar som etter oppfatninga til departementet også passar godt for diverse skolar som gir yrkesretta opplæring.

Den tidlegare vaksenopplæringslova § 24 viste til privatskolelova § 5-2 som gir opp oppgåvane i styret. Fram til 1. januar 2021 inneheldt § 5-2 mellom anna reglar om «forsvarleg system». Denne regelen er no erstatta av eit krav om å ha internkontroll i § 5-2 a og eit krav i § 5-2 b første ledd om at styret skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultata frå nasjonale kvalitetsvurdering som departementet gjennomfører etter § 7-2 tredje ledd. Etter vurderinga til departementet bør § 6 A-7 vise til desse reglane. Det vil vere i samsvar med tidlegare rettstilstand som det ikkje har vore intensjonen å endre på.

Departementet følgjer med dette opp forslaget i høyringa.

Departementet er samd med *Utdanningsdirektoratet* om at skiljet mellom privatskolar som blir godkjende etter § 2-1, og skolar som blir godkjende etter § 6 A-1, bør komme tydeleg fram i lova.

## 66.6 Departementets forslag

### 66.6.1 Opplæringstilbodet

Departementet foreslår

- å lovfeste ein rett til vurdering og dokumentasjon, sjå forslaget til endring i privatskolelova § 2-3 a første ledd første punktum
- å lovfeste at departementet kan gi forskrift om tap av retten til vurdering med karakter, sjå forslaget til endring i privatskolelova § 2-3 a første ledd tredje punktum
- å lovfeste at barnetrinnet skal vere karakterfritt, sjå forslaget til endringar i privatskolelova § 2-3 a første ledd andre punktum
- å lovfeste at dei private grunnskolane kan flytte opptil 5 prosent av timane i quart fag til andre fag eller brukast til særskilde tverrfaglege aktivitetar, sjå forslaget til endringar i privatskolelova § 2-3 tredje ledd

### 66.6.2 Det beste for eleven

Departementet foreslår

- å lovfeste prinsippet om det beste for barnet i ein eigen paragraf om det beste for eleven, sjå forslag til § 5 A-1

- at prinsippet om det beste for eleven skal ha ein vidare bruk enn Grunnlova og barnekonvensjonen, ved at det skal gjelde for alle elevar, også elevar som har fylt 18 år

### 66.6.3 Plikt til å vere aktivt med i opplæringa, oppfølgningsplikt ved fråvær og lekser

Departementet foreslår

- å lovfeste ei plikt om at elevar skal vere aktivt med opplæringa, sjå forslaget til endringar i privatskolelova § 5A-6 første ledd første punktum
- å lovfeste ei plikt for skolen til å følgje opp elevar som har fråvær frå opplæringa, sjå forslaget til endringar i privatskolelova § 5A-6 første ledd andre punktum
- å presisere at elevane kan bli pålagt å gjere lekser, det vil seie oppgåver utanom skoletida, og at det må takast omsyn til at elevane har rett til både kvile og fritid, sjå forslaget til endringar i privatskolelova § 5A-6 andre ledd

### 66.6.4 Samarbeid mellom skolen og foreldra

Departementet foreslår

- å vidareføre at skolen skal samarbeide med foreldra om opplæringa til eleven, sjå forslaget til endringar i privatskolelova § 5 A-3 første ledd
- at departementet kan gi forskrift om samarbeidet mellom skolen og foreldra, sjå forslaget til endringar i privatskolelova § 5 A-3 andre ledd

### 66.6.5 Medverknaden til elevane

Departementet foreslår å

- lovfeste at elevane har rett til medverknad i alt som gjeld dei sjølv, at elevane har rett til å ytre meiningsane sine fritt og bli høyrde, og at meiningsane til elevane skal vektleggjast i samsvar med alderen og modnaden til eleven, sjå forslaget til privatskolelova § 5 A-2

### 66.6.6 Skoledemokratiet

Departementet foreslår å

- lovfeste at skolen skal sorgje for at elevane og foreldra får vere med på å planleggje, gjennomføre og vurdere verksemda til skolen, mellom anna arbeidet med kvalitetsutvikling av opplæringa, skolemiljøet og å fastsetje skoleregular, sjå forslaget til privatskolelova § 5 A-4 første ledd
- lovfeste at skolen skal legge til rette for at alle elevane skal kunne ytre seg, at skolen skal opp-

muntre dei til å delta i skoledemokratiet, og at skolen skal hjelpe elevane i arbeidet med skoledemokratiet, sjå forslaget til privatskolelova § 5 A-4 andre ledd

- vidareføre at grunnskolar og vidaregående skolar skal ha eit elevråd som er valt av elevane ved skolen, men lovfeste at elevane kan velje å organisere seg på annan måte, sjå forslaget til privatskolelova § 5 A-5.

Sjå forslaget til endringar i § 3-6.

#### **66.6.10 Alternativ og supplerande kommunikasjon**

Departementet foreslår

- at regelen om alternativ og supplerande kommunikasjon blir vidareført i privatskolelova, men med språklege endringar slik at regelen er i samsvar med ny opplæringslov

Sjå forslaget til endringar i § 3-14.

#### **66.6.11 Særskild språkopplæring for elevar som har eit anna morsmål enn norsk og samisk**

Departementet foreslår å

- vidareføre retten til særskild språkopplæring, inkludert morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring i fag
- å endre nemningar frå særskild norskopplæring til forsterka opplæring i norsk og frå tospråkleg fagopplæring til tospråkleg opplæring i fag
- ikkje vidareføre regelen om plikt til å kartlegge ferdigheitene til eleven i norsk før kommunane eller fylkeskommunane gjer vedtak om særskild språkopplæring
- vidareføre plikta heimkommunen eller heimfylket har til å vurdere ferdigheitene til eleven i norsk undervegs i opplæringa
- vidareføre regelen om at heimkommunen eller heimfylket til eleven kan bestemme at eleven skal få opplæringa i morsmål ved ein annan skole enn den eleven går på
- vidareføre at private skolar kan gi innføringsopplæring dersom heimkommunen eller heimfylket har gjort vedtak om slik organisering og om at skolen kan gi slikt opplæringstilbod
- presisere at reglane om særskild språkopplæring og innføringsopplæring ikkje gjeld for elevar ved internasjonale skolar i Noreg

Sjå forslaget til endringar i privatskolelova § 3-5 og § 3-5 a.

#### **66.6.12 Fritak frå aktivitetar i opplæringa**

Departementet foreslår

- å utvide retten til fritak frå aktivitetar i opplæringa slik at retten også gjeld elevar i vidaregåande skolar
- at unntaket frå rett til fritak for aktivitetar i opplæringa som i dag gjeld elevar i private grunn-

#### **66.6.7 Fjernundervisning**

Departementet foreslår

- at det skal vere lov å gjennomføre delar av opplæringa som fjernundervisning dersom det er gode grunnar for det og det vil vere trygt og pedagogisk forsvarleg
- at elevar skal få fjernundervisning på skolen med enkelte unntak
- at fjernundervisning skal gjennomførast slik at lærar og elev kan kommunisere effektivt
- at skolen skal godtgjere at vilkåra er oppfylte
- at departementet får heimel til å gi forskrift om fjernundervisning

Sjå forslaget til endringar i privatskolelova § 3-4 a.

#### **66.6.8 Tilpassa opplæring**

Departementet foreslår

- å vidareføre plikta skolen har til å gi tilpassa opplæring, sjå forslaget til § 3-4 b
- å vidareføre, og å samle og gjere tydeleg i lova, plikta skolen har til å følgje med på utviklinga til elevane og å melde frå til rektor når det er tvil om at eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og å følgje opp ved å vurdere og setje i verk tiltak, sjå forslaget til § 3-4 c
- å vidareføre dagens reglar om intensiv opplæring for elevar på 1. til 4. trinn, sjå forslaget til § 3-4 d

#### **66.6.9 Individuell tilrettelegging av opplæringa**

Departementet foreslår å

- vidareføre dagens regulering slik at privatskolelova § 3-6 viser til reglane i ny opplæringslov § 11-4 til § 11-11
- presisere i § 3-6 at elevar i privatskolar har same rett til individuell tilrettelegging som elevar i offentlege skolar
- presisere at vedtak om dekning av utgifter til individuell tilrettelegging av opplæringa er eit enkeltvedtak

skolar godkjende på livssynsgrunnlag, også skal gjelde elevar i private vidaregåande skolar som er godkjende på livssynsgrunnlag

- å endre ordlyden i privatskolelova § 3-12 frå «oppretta av religiøse grunnar» til «godkjent etter § 2-1 andre ledd bokstav a livssyn»

Sjå forslag til endringar i privatskolelova § 3-12.

#### **66.6.13 Informasjonsplikta skolen har overfor elevane**

Departementet foreslår å

- vidareføre at skolen skal gi elevane og foreldra deira den informasjonen dei treng, mellom anna om opplæringa, kvar enkelt elev, skolemiljøet, skolereglane og dei rettane og pliktene elevane elles har
- lovfeste ein overordna paragraf om plikta skolen har til å gi informasjon til elevar og foreldre

Sjå forslaget til ny § 5 A-8 i privatskolelova.

#### **66.6.14 Inntak til private vidaregåande skolar godkjende etter privatskolelova**

Departementet foreslår

- å vidareføre dagens reglar om at ungdom med rett til vidaregåande opplæring skal ha prioritet framfor vaksne søkerar ved inntak, sjå forslaget til endringar i privatskolelova § 3-1 andre ledd
- at retten til yrkesfagleg rekvalifisering kan takast ut i ein privat vidaregåande skole, sjå forslaget til endringar i privatskolelova § 3-1 andre ledd

#### **66.6.15 Overgang frå grunnskole til vidaregåande opplæring**

Departementet foreslår at dei vidaregåande skolane skal sørge for at elevane får ein trygg og god overgang frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa, og at grunnskolen skal samarbeide med den vidaregåande skolen om overgangen, sjå forslaget til ny § 5-6 i privatskolelova

#### **66.6.16 Personalet i skolen**

Departementet foreslår å

- lovfeste eit krav om at skolen skal sørge for å ha tilgang på vikarar ved vanleg og venta frå-

vær, sjå forslaget til endringar i privatskolelova § 4-6.

#### **66.6.17 Politiattest og vandelskontroll**

Departementet foreslår ein tilsvarande regel om politiattest og vandelskontroll som i ny opplæringslov. Det betyr

- å vidareføre eit krav til politiattest for dei som skal tilsetjast fast eller mellombels i grunnskolen, den vidaregåande skolen, leksehjelpa eller skoleliknande aktivitetstilbod
- at skolen ut frå gitte kriterium kan krevje politiattest frå dei som skal ha praksis i skolen, leksehjelpa og skoleliknande aktivitetstilbod
- å vidareføre at skolen kan krevje politiattest frå personar som skal utføre oppgåver i grunnskolen, den vidaregåande skolen, leksehjelpa eller skoleliknande aktivitetstilbod
- å utvide området for kva straffebod som skal noterast på ein politiattest
- å presisere at det er eit tilsetjingsforbod ved merknader om seksuelle overgrep mot mindreårige
- å vidareføre kravet om at skolen skal vurdere konkret om ein person bør tilsetjast, ha praksis eller utføre oppgåver i grunnskolen, den vidaregåande skolen, leksehjelpa eller skoleliknande aktivitetstilbod, dersom politiattesten inneholder merknader om andre straffebrot enn dei som gir tilsetjingsforbod og merknader om verserande saker
- å innføre ein heimel for å fastsetje kva straffebod som skal medføre forbod mot tilsetjing og om innhenting og behandling av politiattest

Sjå forslaget til endringar i privatskolelova § 4-3.

#### **66.6.18 Definisjonen på omgrepa «vertskommune» og «vertsfylke»**

Departementet foreslår å lovfeste definisjonane på omgrepa «vertskommune» og «vertsfylke», sjå forslaget til nytt andre ledd i privatskolelova § 1-3.

#### **66.6.19 Presiseringar om reglar som ikkje gjeld vaksne**

Departementet foreslår å ta ut av lova presiserinane i § 3-6 femte ledd og § 3-7 fjerde ledd om at desse paragrafanane ikkje gjeld opplæringstilbod spesielt organisert for vaksne. Sjå forslaga til endringar i privatskolelova § 3-6 og § 3-7.

**66.6.20 Tilvisingar til reglar i privatskolelova som gjeld skolar godkjende etter kapittel 6A**

Departementet foreslår

- å presisere at det er kapittel 6 A som gjeld for diverse skolar som gir yrkesretta opplæring, sjå forslaget til endringar i privatskolelova § 1-2 første ledd
- å gjere tydeleg forskjellen på skolar godkjende etter § 1-2 i lova og § 6 A-1, sjå forslaget til endringar i privatskolelova § 1-3 tredje ledd

- at delar av formålsparagrafen også skal gjelde for diverse skolar som gir yrkesretta opplæring, sjå forslaget til endringar i privatskolelova § 6 A-7 bokstav a
- at regelen i § 5-2 a om internkontroll også skal gjelde diverse skolar som gir yrkesretta opplæring, sjå forslaget til endringar i privatskolelova § 6 A-7 bokstav n
- at regelen i § 5-2 b første ledd om plikta styret har til å arbeide med kvalitetsutvikling, også skal gjelde diverse skolar som gir yrkesretta opplæring, sjå forslaget til endringar i privatskolelova § 6 A-7 bokstav o

## **67 Endringar i andre lovar, iverksetjing og overgangsreglar**

### **67.1 Endringar i andre lover**

Departementet foreslår endringar i privatskolelova. Endringane samordnar opplæringslova og privatskolelova, sjå omtale i punkt 66.

I tillegg foreslår departementet endringar i samelova, barnehagelova, fagskolelova og barnevernsløva. Desse lovene blir endra slik at dei viser til den nye opplæringslova og ikkje til opplæringslova av 1998.

### **67.2 Iverksetjing og oppheving**

Departementet legg opp til at lova skal tre i kraft 1. august 2024 og at endringar i privatskolelova skal tre i kraft frå same tidspunkt.

Departementet foreslår å lovfeste at opplæringslova og endringane i privatskolelova skal gjelde frå den tid Kongen fastset, og at ulike kapittel og reglar kan sejast i kraft til ulik tid.

### **67.3 Overgangsreglar**

Departementet foreslår at Kongen kan gi forskrift med overgangsreglar for tilpassing til den nye

lova. Tilsvarande foreslår departementet ein heimel for å kunne gi forskrift med overgangsreglar for tilpassing til dei nye reglane i privatskolelova.

Departementet foreslår vidare at forskrift og enkeltvedtak med heimel i reglar som blir oppheva eller endra med den nye opplæringslova eller med endringar i privatskolelova, står ved lag til Kongen fastset noko anna.

I tillegg foreslår departementet å vidareføre at personale i grunnskolen som var tilsett i uoppseieleg stilling 1. august 1999, ikkje kan seiast opp, og at lov 13. juni 1969 nr. 24 om grunnskolen § 24 nr. 1 andre ledd og nr. 2 gjeld for dei. Departementet legg til grunn at det fortsatt vil vere personale i grunnskolen som var tilsett i uoppseieleg stilling 1. august 1999 når den nye opplæringslova trer i kraft.

I dagens opplæringslov § 16-2 andre ledd er det fastsett ein overgangregel knytt til rektorkravet i dagens § 9-1 andre ledd, og i tredje ledd er det fastsett overgangsreglar om rett og plikt til 10-årig grunnskoleopplæring. Departementet meinar at desse overgangreglane ikkje lenger er aktuelle og foreslår derfor at dei ikkje blir vidareført i den nye lova.

## 68 Økonomiske og administrative konsekvensar

### 68.1 Innleiing

Dette punktet handlar om dei økonomiske og administrative konsekvensane av dei ulike forslaga. Departementet foreslår endringar i lova som samla blir anslått å ha ein kostnad på i underkant av 800 millionar kroner. Dette er i hovudsak auka kostnader i fylkeskommunane. I tillegg kjem utgifter til utdanningsstøtte frå Lånekassen på om lag 20 millionar kroner. Det blir understreka av dei totale kostnadene er usikre. Rekkjevidda av fleire av forslaga avheng av og blir dimensjonerte ut frå kor mykje ressursar som blir sette av til oppgåva. Mange av dei foreslatte tiltaka som har meir kostnader for fylkeskommunane, er forslag som vart varsle i Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*.

Dette gjeld særleg forslaga om å utvide retten til vidaregåande opplæring slik at retten gjeld fram til den enkelte har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse, og å innføre ein rett til yrkesfagleg rekvalifisering i vidaregående opplæring. Det er lagt til rette for finansiering av desse forslaga, som har ein samla kostnad for fylkeskommunane som er utrekna til om lag 550 millionar kroner, med øyremerkte tilskot under Kunnskapsdepartementet i 2023-budsjettet.

Proposisjonen inneholder andre lovforslag som skal bidra til auka fullføring av vidaregåande opplæring og som det vart løyvd midlar til i 2023-budsjettet over rammetilskotet til kommunesektoren med halvårseffekt. Det gjeld (med heilårseffekt i parentes):

- utvida øvre aldersgrense for målgruppa for oppfølgingstenesta frå 21 til 24 år (17 millionar kroner)
- tilgang til rådgiving for dei som har læretid i bedrift (30–45 millionar kroner)
- plikt for kommunane og fylkeskommunane til å sørge for rådgiving for vaksne i grunnopplæringa (25 millionar kroner)
- rett til forsterka norskopplæring for vaksne i vidaregåande opplæring (15 millionar kroner)
- plikt for kommunane og fylkeskommunane til å gi ein trygg og god overgang frå grunnskulen

til vidaregåande opplæring (20 millionar kroner)

Departementet foreslår å utvide retten til opplæring i eiga skriftspråkgruppe på sitt eige hovudmål til også å gjelde elevar på ungdomstrinnet, som har ein anslått kostnad for kommunane på mellom 57 og 95 millionar kroner for tre trinn. Vidare innehold lovforslaget andre forslag med mindre økonomiske konsekvensar for kommunesektoren, jf. omtalen av dei enkelte forslaga under. Kommunesektoren skal kompensera for økonomiske konsekvensar av lovendringane. Departementet kjem tilbake til finansieringa i dei årlege forslaga til statsbudsjettet, inkludert innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet til kommunesektoren.

I tillegg vil det vere noko administrative kostnader i staten knytt til implementering av ny opplæringslov. Utdanningsdirektoratet blir i 2023 tildekt 3,5 millionar kroner til dette.

Nokre forslag har etter vurderinga til departementet ikkje meirkostnader, men kan påverke prioriteringa kommunane og fylkeskommunane gjer av ressursar. Eit døme på dette er forslaga i punkt 27 om å fjerne kravet til sakkunnige vurderingar i nokre sakstypar, i kombinasjon med å presisere oppgåvene til pedagogisk-psykologisk teneste (PP-tenesta). Dette er eit tiltak som har som mål at PP-tenesta skal vri ressursbruken mot det førebyggjande arbeidet til skolane – det vil seie støtta skolane i forkant av eventuelle utfordringar for å unngå at elevar får hjelp og tilrettelegging for seint – noko som igjen på sikt kan bidra til eit mindre omfang av tilretteleggingstiltak og enkeltvedtak. Det kjem fram av omtalen under om departementet meiner forslag ikkje har vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar. Desse forslaga har slik departementet vurderer det heller ikkje samla sett økonomiske konsekvensar for kommunesektoren.

I punkta nedanfor er dei konkrete vurderingane av dei enkelte tiltaka i høyringsforslaget. Under kvart punkt blir det vist til det aktuelle punktet i denne proposisjonen der tiltaket er omtalt.

## 68.2 Formålet med opplæringslova og verkeområdet til lova

Departementet foreslår å lovfeste ein eigen regel om kva som er formålet med lova, sjå omtale i punkt 7. Departementet foreslår også å vidareføre reglane om verkeområdet for lova og å ta inn ein heimel for å gi forskrift om korleis lova kjem til bruk for Svalbard. Forslaga i punkt 7 vil ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

## 68.3 Formålet med opplæringa

Departementet foreslår i punkt 8 å vidareføre dagens reglar om formålet med opplæringa. Forslaget vil ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar.

## 68.4 Rett og plikt til grunnskoleopplæring

Departementet foreslår i hovudsak å vidareføre reglane om rett og plikt til grunnskoleopplæring, omtalt i punkt 9. Det blir innført ei plikt for kommunen til å gi forskrift om reglar for permisjon. Departementet legg til grunn at dei fleste kommunar i dag har retningslinjer for å behandle permisjonssøknader, og det nye kravet om at alle kommunar må fastsetje retningslinjer for permisjon i forskrift, blir derfor ikkje rekna som å ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

## 68.5 Det beste for eleven

Departementet foreslår å lovfeste prinsippet om det beste for barnet i ein eigen paragraf om det beste for eleven, og at prinsippet om det beste for eleven skal ha ein vidare bruk enn Grunnlova og barnekonvensjonen, ved at dette skal gjelde for alle elevar, også elevar som har fylt 18 år.

Departementets forslag i punkt 10 vil ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar. Prinsippet om det beste for barnet gjeld i dag i kraft av Grunnlova og barnekonvensjonen for elevar under 18 år. Forslaget om at prinsippet også skal gjelde for elevar over 18 år (som elevar i vidaregående opplæring som regel er eller blir i løpet av det siste skoleåret), vil ikkje medføre vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

## 68.6 Opplæringstilbodet

Forslaga i punkt 11 vil ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar. Departementet foreslår å vidareføre heimlane til å gi forskrift om måla og prinsippa for opplæringa, tilbodsstruktur og fag- og timefordeling. Vidare foreslår departementet å lovfeste at opplæringa skal vere i samsvar med måla og prinsippa for opplæringa, at elevane har rett til vurdering og dokumentasjon, og at barnetrinnet skal vere karakterfritt.

## 68.7 Kva grunnskole elevane skal gå på

Forslaget i punkt 12 om å i hovudsak vidareføre reglane om kva skole elevane skal gå på, vil ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

## 68.8 Plikt til å vere aktivt med i opplæringa, oppfølgingsplikt ved fråvær og lekser

Forslaga i punkt 13 har ikkje økonomiske eller administrative konsekvensar.

Departementet foreslår å vidareføre regelen om at elevar skal vere aktivt med i opplæringa. Dette forslaget inneber inga endring frå dagens rettstilstand.

Departementet foreslår vidare å presisere i lova at elevane kan bli pålagde å gjere lekser, det vil seie oppgåver utanom skoletida, og at det må takast omsyn til at elevar har rett til kvile og fritid. Heller ikkje dette forslaget inneber ei endring frå dagens rettstilstand. Det gjeld også i dag ei plikt for kommunen og fylkeskommunen til å ta omsyn til retten elevane har til kvile og fritid.

I punkt 13 blir det også foreslått å lovfeste ei plikt for kommunane og fylkeskommunane til å følgje opp elevar som har fråvær. Lovfestinga er ei tydeleggjering og synleggjering av eksisterande reglar. I dag gjeld det ei ulovfesta plikt for kommunane og fylkeskommunane til å følgje opp elevar med fråvær. Lovfestinga inneber ikkje at kommunane og fylkeskommunane blir pålagde nye plikter samanlikna med kva dei har i dag. Slik som i dag kan kommunane og fylkeskommunane sjølve avgjere korleis elevar med fråvær skal følgjast opp.

*Viken fylkeskommune* har gitt innspel om at oppfølgingsplikta i dag berre relaterer seg til høgt fråvær i enkeltfag, ikkje på tvers av fag, og at for-

slaget derfor kan få økonomiske og administrative konsekvensar. Departementet er ikkje samd og viser til at det også i dag gjeld ei generell plikt til følgje opp fråvær på tvers av fag, ikkje berre for enkeltfag. Vidare har kommunane og fylkeskommunane allereie i dag system som sikrar at dei har oversikt over fråværet til elevane, jf. opplæringsforskrifta § 3-36. Lovfestinga av oppfølgingsplikta inneber derfor ikkje ei endring på dette punktet.

Reglane som blir foreslått lovfesta her, inneber eit minimum som kommunane og fylkeskommunane må rette seg etter (og som også gjeld i dag). Det kan bli aktuelt å vurdere på eit seinare tidspunkt om oppfølgingsplikta skal skjerpast, eller om oppfølgingsarbeidet skal stimulerast på annan måte, for å styrke arbeidet med å følgje opp fråvær utover minimumskrava.

Departementet legg til grunn at forslaget ikkje vil ha økonomiske eller administrative konsekvensar for kommunane og fylkeskommunane fordi dei allereie har system som sikrar at dei har oversikt over fråværet til elevane. Etter forslaget avgjer kommunane og fylkeskommunane sjølv korleis elevane skal følgjast opp, inkludert kva tiltak som blir sette inn.

## 68.9 Organiseringa av opplæringa

Forsлага i punkt 14 handlar i hovudsak om å vidareføre eksisterande reglar og om å lovfeste tolkingar som allereie følgjer av rettleiingar. Det blir foreslått å vidareføre reglane om lengda på skoleåret, reglane om fastsettjing av lokale forskrifter om skole- og feriedagar, heimelen til å gi forskrift om lærarnorm og reglane om inndeling i klassar og grupper. Vidare blir det foreslått å lovfeste nærmare vilkår for når elevane kan delast inn i grupper etter fagleg nivå eller kjønn. Forsлага vil ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

## 68.10 Fjernundervisning

Forslaget i punkt 15 inneber inga plikt til å ta i bruk fjernundervisning, berre eit høve til dette dersom vilkåra er oppfylte. Det følgjer av lovforslaget at ordinær undervisning gjennomført av lærarar på skolen framleis skal vere normalordninga, medan fjernundervisning skal vere unntaket. Forslaget om at kommunen og fylkeskommunen må godtgjere at vilkåra for bruk av fjernundervisning er oppfylte, inneber ikkje eit dokumentasjonskrav, men eit krav om å sannsynleggjere at vilkåra er

oppfylte. Kravet vil berre komme til bruk dersom det skal takast i bruk fjernundervisning. Forslaget vil ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

## 68.11 Opplæringsspråk og talemål

Forslaget i punkt 16, om at opplæringsspråket skal vere norsk, samisk eller norsk teiknspråk, vil ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

## 68.12 Bokmål og nynorsk i opplæringa

Forslaget i punkt 17 om å utvide retten til opplæring i eiga skriftspråkgruppe på sitt eige hovudmål til også å gjelde elevar på ungdomstrinnet, har økonomiske og administrative konsekvensar.

Departementet anslår at den foreslåtte lovendringa vil innebere ein meirkostnad for kommunane på mellom om lag 19 og 32 millionar kroner per trinn, det vil seie mellom 57 og 95 millionar kroner for tre trinn. I berekninga er det lagt til grunn ein gruppestørleik på 20 elevar, i tråd med norma for lærartettleik på ungdomstrinnet, deretter er det berekna for kvar enkelt kommune som både har nynorsk- og bokmåelselever, om kommunane treng å opprette ekstra grupper som følgje av innføring av ein rett. Praktiske og estetiske fag er haldne utanfor berekninga. Anslaget byggjer på ein føresetnad om at alle elevar som i dag får opplæring i eiga hovudmålgruppe på barnetrinnet, held fram med same skriftspråk på ungdomstrinnet. Om kommunane treng å opprette ekstra grupper, avheng av faktorar som skolestruktur, skolestørleik og elevsamansetning. Departementet går ut frå at det ved store skolar vil vere enklare å gruppere elevane etter hovudmål utan vesentlege meirkostnader. Den lågaste enden av intervallet for anslatte meirkostnader byggjer på ein føresetnad om at større skolar har rom for å organisere opplæringa slik at dei ikkje treng å opprette fleire grupper/klassar enn etter gjeldande regelverk.

Anslaget er berekna på same måte som det kostnadsoverslaget departementet presenterte i Prop. 1 S (2018–2019).

Resten av forslaga i punkt 17 vil ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar. Departementet foreslår å vidareføre reglane om val av skriftspråk. Departementet foreslår også å vidareføre krav om opplæring i begge skriftspråka og heimel til å gi forskrift om

fritak frå opplæring i eitt av dei norske skriftspråka. Dette er i all hovudsak ei vidareføring av dagens rettstilstand.

### **68.13 Læremiddel**

Forslaget i punkt 18 i proposisjonen vil ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar. Departementet foreslår å vidareføre krav til parallele utgåver av læremiddel, krav til rettskriving i læremiddel, krav til godkjende ordlister og ordbøker og krav til lesebøkene i norsk. Departementet foreslår også å vidareføre krav til utstyr, inventar og læremiddel i skolen og plikta staten har til å sørge for læremiddel for individuelt tilrettelagd opplæring. Forlaga her inneber inga endring frå dagens rettstilstand.

Departementet foreslår vidare å lovfeste krav om at skolen berre kan ta i bruk skriveprogram som støttar både bokmål og nynorsk. Departementet legg til grunn at forslaget ikkje vil ha vesentlege administrative eller økonomiske konsekvensar for kommunane og fylkeskommunane.

### **68.14 Informasjonsplikta skolen har overfor elevar og foreldre**

Forslaget i punkt 19, om å samle informasjonsplikta til skolen i ein paragraf, vil ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

### **68.15 Samarbeid mellom skolen og foreldra**

Forslaget i punkt 20, om at skolen skal samarbeide med foreldra om opplæringa til eleven, vil ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

### **68.16 Medverknaden til elevane og sjølvråderetten til elevane**

I punkt 21 foreslår departementet å innføre ein eigen paragraf om retten elevane har til individuell medverknad. Forslaget inneber i hovudsak ei lovfesting av eksisterande rettar og plikter. Departementet foreslår også å innføre ein paragraf om sjølvråderetten for dei over 15 år i spørsmål knytte til grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring, for både ungdom og vaksne. Dette er ei vida-

reføring og presisering av reglar som kjem fram i dagens opplæringslov og reglar i barnelova.

Forslaga vil ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

### **68.17 Skoledemokratiet**

I punkt 22 foreslår departementet å innføre ein overordna paragraf om skoledemokratiet for elevar og foreldre. Forslaget inneber i hovudsak ei lovfesting av eksisterande rettar og plikter. Departementet foreslår reduserte krav til korleis skoledemokratiet skal vere organisert samanlikna med dagens reglar. Forslaget i punkt 22 vil ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

### **68.18 Samarbeid mellom skolen og andre velferdstenester**

Forslaget i punkt 23, om at skolen, skolefritidsordninga og den pedagogisk-psykologiske tenesta skal samarbeide med andre tenesteytarar, og at kommunen skal samordne tenestene, vil ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

### **68.19 Tilpassa opplæring**

Forslaget i punkt 24 om tilpassa opplæring, inkludert reglar om intensiv opplæring, er i all hovudsak vidareføring og vil ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

### **68.20 Individuell tilrettelegging av opplæringa**

Forslaget i punkt 25 om individuell tilrettelegging av opplæringa er i hovudsak vidareføring og vil ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

### **68.21 Alternativ og supplerande kommunikasjon**

Forslaget om å vidareføre reglane om alternativ og supplerande kommunikasjon omtalte i punkt 26 vil ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar.

## 68.22 Pedagogisk-psykologisk teneste

Forslaget i punkt 27 knytt til oppgåvene til PP-tenesta inneber inga realitetsendring av målgruppa og kompetanseområdet til PP-tenesta. Forslaget om oppgåvene til PP-tenesta er heller ikkje ei utviding av dagens oppgåver, men ei presisering av dagens reglar og i tråd med kvalitetskriteria for PP-tenesta, som vart utvikla av Utdanningsdirektoratet i 2016. Forslaget inneber å gjere tydeleg det førebyggjande arbeidet til PP-tenesta – det som tidlegare har vorte omtalt i lova som å støtte skolane med kompetanse- og organisasjonsutvikling. Forslaget er meint å vri ressursbruken slik at PP-tenesta skal jobbe meir førebyggjande, det vil seie støtte skolane i forkant av eventuelle utfordringar for å unngå at elevar får hjelp og tilrettelegging seint. Endringa kan på sikt bidra til eit mindre omfang av tilretteleggingstiltak og enkeltvedtak.

Forslaget om å fjerne krava til sakkunnige vurderingar i nokre sakstypar, sjá punkt 27.6, kan frigjere noko ressursar i PP-tenesta. Desse ressursane bør brukast i det førebyggjande arbeidet. Det blir understreka at omfanget av det førebyggjande arbeidet og arbeidet med tidleg innsats må tilpassast etter kor mykje ressursar som blir frigjorde når arbeidet med sakkunnige vedtak går ned. Barn og elevar med særlege behov skal få eit minst like godt tilbod som i dag.

Forsлага til endringar i reglane om PP-tenesta i punkt 27 vil ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

## 68.23 Særskild språkopplæring for elevar som har eit anna morsmål enn norsk og samisk

Forsлага i punkt 28 om rett til særskild språkopplæring for elevar med eit anna morsmål enn norsk og samisk er i hovudsak ei vidareføring av dagens reglar. Forslaget om å fjerne plikta til å kartleggje norskferdigheitene til elevane før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring, inneber ikkje ei realitetsendring fordi innhaldet i plikta følgjer av saksbehandlingsreglane i forvaltningslova. Forsлага vil ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar.

## 68.24 Opplæring i og på norsk teiknsspråk

Forsлага i punkt 29 inneber ein auka fleksibilitet som kan føre til at nokre fleire elevar i grunnskolen vel opplæring i faget norsk teiknsspråk. Departementet legg til grunn at elevar i dag som berre har behov for opplæring i faget norsk teiknsspråk, sannsynlegvis har vedtak etter dagens reglar om spesialundervisning.

Forslaget om at elevar med høyrselshemming som går i ordinære vidaregåande skolar, og som bruker tolk, også bør få moglegheita til å kunne velje å få opplæring i norsk teiknsspråk, vil sannsynlegvis utløyse noko auka behov for lærarar med teiknsspråkkompetanse samanlikna med i dag. Utdanningsdirektoratet forventar at dei fleste elevane som vel opplæring i teiknsspråk i vidaregåande opplæring, framleis vil velje å gå på ein knutepunktskole, det vil seie ein fylkeskommunal vidaregåande skole som har eit spesielt tilrettelagt og organisert tilbod for høyrselshemma. Jamført med at dette er ei svært lita elevgruppe, som direktoratet estimerer til å omfatte fem til ti elevar i året, meiner direktoratet at ei slik utviding ikkje vil ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar. Departementet støttar desse vurderingane.

Forslaget i punkt 27 om å ikkje vidareføre kravet om sakkunnig vurdering frå den pedagogisk-psykologiske tenesta (PP-tenesta) før det skal gjerast vedtak om opplæring i og på teiknsspråk, kan frigjere ressursar i PP-tenesta. Forslaget må sjåast i samanheng med forslag omtalte i punkt 27 og i punkt 68.22 og føresetnaden om at ressursar som blir frigjorde som følgje av færre sakkunnige vedtak, skal brukast i det førebyggjande arbeidet til PP-tenesta og arbeidet med tidleg innsats.

## 68.25 Opplæring i og på dei samiske språka

Forslaget i punkt 30 om å gi ikkje-samiske elevar som har hatt opplæring i eller på samisk i grunnskolen, rett til opplæring i samisk i vidaregåande skole, har økonomiske og administrative konsekvensar for fylkeskommunane. Med utgangspunkt i talet på ikkje-samiske elevar med opplæring i og på samiske språk på ungdomstrinnet i grunnskolen, kan forslaget føre til at opp til om lag 130 fleire elevar vil ønske å få opplæring i og på dei samiske språka også i vidaregåande opplæring. 130 elevar vil gi ein anslått meirkostnad på om lag 15 millionar kroner. Mest sannsynleg vil

ikkje alle elevar nytta seg av retten. Til dømes vil nokre ønske å ta eit framandspråk, og då vil det kunne bli for krevjande å ha samisk i tillegg. I nokre tilfelle vil dessutan opplæringa kunne skje i mindre grupper, noko som reduserer kostnadene. Departementet legg til grunn ein meirkostnad av forslaget på 10 millionar kroner. Fylkeskommunane skal kompenseraast for lovendringa gjennom tilskot til opplæring i samisk i grunnopplæringa (kap. 225, post 63). Tilskotet til opplæring i samisk i vidaregåande opplæring blir utbetalt på etterskot, slik at eventuelle endringar i retten til opplæring i samisk frå skoleåret 2024–2025 først får konsekvensar for tilskotet i statsbudsjettet for 2025.

Departementet meiner forslaget vil utløyse eit auka behov for å rekruttere fleire lærarar, men går ut frå at dette vil vere handterleg for skolar som allereie tilbyr stadleg undervisning innanfor forvaltningsområdet for samisk språk. Fleire skolar i forvaltningsområdet er også i dag avhengige av fjernundervisningstenester på grunn av manglande kapasitet og tilgang på kompetanse. Ein rett til opplæring i samisk for ikkje-samiske elevar i vidaregåande opplæring vil utløyse ein auka etterspurnad etter fjernundervisningstenester, der tilgang på kvalifisert kompetanse allereie er avgrensa.

For elevar som vel sørsamisk eller lulesamisk, vil auken i talet på elevar vere svært avgrensa og derfor handterleg innanfor dagens tilgang på kvalifiserte lærarar. Det er større utfordringar knytte til nordsamisk. Sjølv om det i dag er fleire aktørar som tilbyr fjernundervisning i nordsamisk, går departementet ut frå at desse ikkje vil ha kapasitet til å dekkje eit aukande behov for kvalifiserte lærarar, og at det vil vere eit relativt stort behov for rekruttering av fleire samisklærarar.

Resten av forslaga i punkt 30 vil ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar. Departementet foreslår å vidareføre reglane om opplæring i og på samisk. Departementet foreslår også å lovfeste at kommunen og fylkeskommunen skal gi eleven tilbod om opplæring i eit samiskspråkleg miljø dersom det er nødvendig for at opplæringa i samisk skal vere pedagogisk forsvarleg. Departementet legg til grunn at forslaget ikkje inneber vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

## **68.26 Opplæring i finsk og kvensk**

Opplæring i finsk og kvensk er omtalt i punkt 31. For tilskotsordninga for opplæring i finsk og

kvensk (kap. 225, post 67) er det i dag ein forvaltningspraksis der sokjarar med grunnskoleundervisning i kvensk eller finsk med færre enn tre elevar får innvilga tilskot. Med gjeldande forvaltningspraksis vil forslaget om rett til opplæring uavhengig av talet på elevar ikkje føre til vesentleg endring av gjeldande tilskotsnivå. Forslaget om å utvide retten til opplæring i kvensk eller finsk i grunnskolen vil derfor ikkje ha vesentlege økonomiske og administrative konsekvensar, verken for kommunane eller for staten.

## **68.27 Opplæring i punktskrift, tekniske hjelpemiddel og mobilitet**

Forslaget i punkt 32 om å ikkje vidareføre kravet om sakkunnig vurdering frå den pedagogisk-psykologiske tenesta (PP-tenesta) før det skal gjerast vedtak om opplæring i punktskrift og vedtak om opplæring i bruk av tekniske hjelpemiddel og i mobilitet, kan frigjere ressursar i PP-tenesta. Forslaget må sjåast i samanheng med forslag omtalte i punkt 27 og i punkt 68.22 og føresetnaden om at ressursar som blir frigjorde som følgje av færre sakkunnige vedtak, skal brukast i det førebyggjande arbeidet til PP-tenesta og arbeidet med tidleg innsats.

Utover dette representerer forslaget ei vidareføring av gjeldande rett og vil derfor ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

## **68.28 Skolemiljøet til elevane**

Forsлага i punkt 33 inneber i stor grad at dagens reglar om skolemiljøet blir vidareførte, med nokre forenklingar og nokre presiseringar.

Forslaget om å vidareføre den skjerpa aktivitetsplikta for tilfelle der det er mistanke om eller kjennskap til at ein tilsett krenker ein elev, men å innføre ein terskel for å sende melding til kommunen eller fylkeskommunen dersom mistanken openbert er grunnlaus, kan bidra til at det blir sendt noko færre meldingar om krenkingar til kommunen og fylkeskommunen. Departementet ser det slik at ettersom det etter forslaget framleis skal sendast melding i alle andre tilfelle, vil dei økonomiske og administrative konsekvensane i form av minska sakstilfang vere minimale.

Departementet foreslår enkelte endringar i handhevingsordninga. Departementet foreslår at vurderinga til statsforvaltaren skal avgrensast til å ta stilling til om skolen har oppfylt plikta til å rette

opp situasjonen med eigna tiltak (tiltaksplikta) og plikta til å utarbeide ein skriftleg plan for tiltaka. Departementet foreslår også å avgrense vedtaks-kompetansen til statsforvaltaren til som hovudregel å påleggje kommunen eller fylkeskommunen å rette forholdet. Departementet foreslår vidare at statsforvaltaren som hovudregel skal avvise eller avslutte behandlinga av saker der eleven ikkje lenger går på den aktuelle skolen. Forsлага kan bidra til å frigjere ressursar hos statsforvaltarane til å behandle fleire saker enn før med lågare saksbe-handlingstid.

Departementets forslag om å ikkje vidareføre kravet til tenlege grunnskolebygg og forslaget om å ikkje vidareføre regelen om alkoholforbod i grunnskolebygg og i kombinerte anlegg vil ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar.

Departementet meiner at forslaga samla sett ikkje vil ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar for kommunane og fylkeskommunane.

## **68.29 Skolereglar og ordenstiltak**

Forslaget til reglar om skolereglar inneber ei vidareføring av og enkelte presiseringar i dagens reglar om ordensreglement. I tillegg foreslår departementet å vidareføre reglane om bortvising, skolebytte og forbodet mot bruk av ansiktsdekkjande plagg i opplæringa for elevar og for dei som jobbar i skolen.

Departementets forslag i punkt 34 vil ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar, ettersom forslaga i all hovudsak vidarefører dagens reglar.

## **68.30 Opplæring om kristendom, religion, livssyn og etikk og fritak frå aktivitetar**

Forslaget i kapittel 35 om å innføre fritaksrett i vidaregåande opplæring og å ikkje vidareføre sær-reguleringa av KRLE-faget vil ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

## **68.31 Skoletur med overnatting**

Forslaget i punkt 36 om å vidareføre plikta kommunen har til å tilby skoletur med overnatting som del av grunnskoleopplæringa, vil ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

## **68.32 Skyss, reisefølgje og losji**

Forslaget om å vidareføre reglane om skyss, reisefølgje og losji for elevar i grunnskolen og den vidaregåande opplæringa, omtalt i punkt 37, vil ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar.

## **68.33 Skolefritidsordninga, leksehjelp og skolebibliotek**

Forslaget om å i all hovudsak vidareføre reglane om skolefritidsordninga, leksehjelp og skolebibliotek, omtalt i punkt 38, vil ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

## **68.34 Privat grunnskoleopplæring i heimen**

Forslaget om ei meldeplikt til kommunen før oppstart av privat grunnskoleopplæring i heimen, omtalt i punkt 39, vil først og fremst vere ei formalisering av dagens praksis. Det blir også foreslått at det blir innført ei plikt for kommunane til å føre tilsyn innan tre månader etter at heimeopplæringa har starta. Omfanget av privat grunnskoleopplæring i heimen er relativt lite. Ettersom kommunane allereie i dag har plikt til å føre tilsyn med heimeopplæring, vil ikkje forslaget medføre vesentlege administrative eller økonomiske konsekvensar for kommunane. Resten av forslaga i punkt 39 er i hovudsak vidareføring av dagens reglar og har derfor ikkje administrative eller økonomiske konsekvensar.

## **68.35 Rett til vidaregåande opplæring**

### **68.35.1 Generelt**

Forsлага om rett til vidaregåande opplæring er omtalte i punkt 40, og dei konkrete forslaga som har økonomiske og administrative konsekvensar, er omtalte i punkta under. Dei ulike forslaga som utvider rettane til vidaregåande opplæring, bør sjåast i samanheng. Forsлага vil i særleg grad få konsekvensar for fylkeskommunane, men også i ein viss grad for kommunane. Forsлага som utvider rettane til vidaregåande opplæring, vil mellom anna kunne innebere at fylkeskommunen må oppgradere fysisk kapasitet, tilsetje fleire lærarar, og gjere endringar i dimensjoneringa av det vidaregåande opplæringstilbodet sitt.

### **68.35.2 Utvida rett til vidaregåande opplæring for ungdom og vaksne slik at retten gjeld fram til den enkelte har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse**

I punkt 40 foreslår departementet å utvide retten til vidaregåande opplæring for ungdom og vaksne samanlikna med dagens reglar, slik at retten til opplæring gjeld fram til den enkelte har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse. Dette inneber mellom anna at dagens tidsavgrensing på tre års vidaregåande opplæring for ungdom ikkje blir vidareført. Forslaget gjer det mellom anna mogleg med meir opplæring for dei som i dag har brukta opp retten til vidaregåande opplæring utan å ha oppnådd ein sluttkompetanse.

På usikkert grunnlag har departementet tidlegare lagt til grunn at 5 000 personar årleg vil bruke ein utvida rett til vidaregåande opplæring dei første tre åra, og at det deretter vil bli ein varig auke på 2 000 personar som vil nyte sjansen til å ta meir opplæring, jf. Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*.

Frå og med 2020 er det løyvd midlar for at personar som i dag ikkje har rett til vidaregåande opplæring, skal få eit tilbod. Tilskotet vart opphavleg oppretta på bakgrunn av auka arbeidsløyse og permitteringar etter utbrotet av covid-19, slik at fleire utan arbeid kunne fullføre vidaregåande opplæring. Målgruppa vart i 2021 utvida til å omfatte sysselsette. Erfaringane med dette tilskotet til fylkeskommunane tilseier at departementet sannsynlegvis overvurderte kor mange som i dag ikkje har rett til vidaregåande opplæring, som vil bruke ein utvida rett.

For å berekne budsjettverknadene ved tiltaket har departementet tidlegare lagt til grunn at målgruppa i snitt manglar 4,5 fag for å bestå, og dessutan ein snittkostnad per fag som er i tråd med berekningar som vart gjorde i samband med NOU 2018: 13 *Voksne i grunnskole- og videregående opplæring – Finansiering av livsopphold*, jf. Meld. St. 21 (2020–2021). Erfaringane frå bruken av tilskotet retta mot personar utan rett til opplæring er at personar i målgruppa har meir omfattande opplæringsbehov enn tidlegare lagt til grunn.

I høyringsnotatet om ny opplæringslov anslo departementet meirkostnader på om lag 300 millionar kroner årleg for fylkeskommunane og dei private vidaregåande skolane som følgje av utvida rett. På sikt anslo departementet auka kostnader til opplæring på om lag 150 millionar kroner som følgje av at fleire får rett til opplæringa. Auka utgif-

ter til utdanningsstøtte vart anslått til om lag 20 millionar kroner. Departementet meiner framleis at dette er eit rimeleg anslag. Ein utvida rett inneber ikkje berre at fleire får rett til vidaregåande opplæring, men også at fylkeskommunane i større grad må sjå på føresetnadene til individua og planleggje meir fleksible løp for dei som treng det. Dette vil også gi meirkostnader for fylkeskommunane. Desse kostnadene er vanskelege å anslå.

I statsbudsjettet for 2023 er det løyvd 302,3 millionar kroner i tilskot til fylkeskommunane for at personar utan rett til vidaregåande opplæring skal få eit tilbod. I statsbudsjettet for 2022 vart fylkeskommunane tilførte 73,3 millionar kroner for å gjere opplæringa meir tilpassa og fleksibel over rammetilskotet. Departementet meiner det er lagt budsjettmessig til rette for å innføre utvida rett til vidaregåande opplæring frå hausten 2024.

Enkelte høyringsinstansar påpeikar at forslaget vil ha store kostnader for fylkeskommunane. KS meiner at berekningane til departementet av dei økonomiske konsekvensane av forslaget er for låge. KS har likevel ikkje presentert eit konkret anslag. Departementet påpeikar at det er vanskeleg å berekne nøyaktige økonomiske konsekvensar av forslaget, men meiner at vurderingane over, og kostnadsoverslaget som er presentert, er rimelege.

### **68.35.3 Rett til yrkesfagleg rekvalifisering for dei som har studie- eller yrkeskompetanse frå før**

I punkt 40 foreslår departementet å innføre ein yrkesfagleg rekvalifiseringsrett for dei som har studie- eller yrkeskompetanse frå før. Tilboden skal givast innanfor reglane om vidaregåande opplæring for vaksne.

I statsbudsjettet for 2023 er det løyvd 148,9 millionar kroner for at fleire som allereie har studie- eller yrkeskompetanse frå vidaregåande opplæring, skal få tilbod om å ta eit fag- eller sveinebrev. Målgruppa inkluderer personar med omstilingsbehov og unge med studiekompetanse som ikkje er motiverte for eller ikkje kjem inn på høgare utdanning. Det er lagt til grunn at halvparten har behov for eit tilnærma fullt løp (inntil 3,5 år), medan den andre halvparten berre treng eitt år i lære. Tilskotet, som vart oppretta i statsbudsjettet for 2021, har lagt til rette for 1 000 nye deltarar i fag- og yrkesopplæringa frå hausten 2021. Heilårseffekten er anslått til 176,6 millionar kroner. Denne effekten vil anslagsvis komme i 2024. Departementet legg til grunn at forslaget om rett

til yrkesfagleg rekvalifisering vil finansierast av dette tilskotet.

Forslaget inneber administrative konsekvensar for fylkeskommunane, som må leggja til rette for auka kapasitet i opplæringa. Det er likevel grunn til å tru at mange vaksne vil ta mesteparten av opplæringa i bedrift.

#### **68.35.4 Retten til påbygging til generell studiekompetanse**

Departementet foreslår i punkt 40 å oppheve tidsavgrensinga på eitt år i retten til påbygging til generell studiekompetanse for dei som har bestått fag- og yrkesopplæringa. Det er vanskeleg å anslå kor mange som vil bruke meir enn eitt år på påbygging til generell studiekompetanse dersom tidsavgrensinga blir oppheva. Det er i utgangspunktet ikkje haldepunkt for å gå ut frå at mange vil ønskje eller trenge å bruke lengre tid på påbyggingsopplæring enn normert tid. Å oppheve eittårs grensa vil derfor, slik departementet ser det, ha avgrensa konsekvensar. Departementet legg til grunn at eventuelle meirutgifter ved å fjerne tidsavgrensing for påbygging er omfatta av anslaget for utgifter til utvida rett til vidaregåande opplæring, jf. omtale under 68.35.2.

#### **68.35.5 Omval i vidaregåande opplæring**

I punkt 40 foreslår departementet å lovfeste ein uavgrensa rett til omval fram til søknadsfristen for inntak det året ungdommane fyller 19 år. For dei som er under 19 år, inneber dette ei utviding frå dagens reglar, der retten er avgrensa til eitt omval. Mellom anna på grunnlag av erfaringar frå tidlegare rettsutvidingar i vidaregåande opplæring og kjennskap til at mange fylkeskommunar legg til rette for meir enn eitt omval i dag, er det grunn til å tru at den reelle auken i talet på omval ikkje vil bli stor. Dei økonomiske og administrative konsekvensane av forslaget blir derfor ikkje antatt å vere vesentlege.

#### **68.35.6 Plikt for fylkeskommunen til å ha eit opplæringstilbod i overgangen mellom grunnskolen og den vidaregåande opplæringa**

I punkt 40 foreslår departementet å innføre ei plikt for fylkeskommunane til å ha eit opplæringstilbod i overgangen til vidaregåande opplæring for elevar som manglar faglege føresetnader eller språklege føresetnader for å kunne delta i og bestå vidaregåande opplæring. Forslaget inneber at fylkeskom-

munane sjølv vel korleis tilbodet skal organiserast, kva innhald det skal ha, nærare avgrensing av målgruppa og omfanget av tilbodet.

Forslaget er ikkje ei plikt til å tilby kombinasjonsklassar, men sidan kombinasjonsklassar kan vere eit tilbod som oppfyller plikta, meiner departementet det er naturleg å sjå forslaget i samanheng med tilskot og finansiering av kombinasjonsklassar. Kombinasjonsklassane er bygde opp gjennom tilskotsordninga Jobbsjansen del B. Midlane til dette, 95 millionar kroner, er overførte til fylkeskommunanes rammetilskot i 2020-budsjettet. Med dei vide rammene fylkeskommunane har til å oppfylle den foreslalte plikta, som mellom anna inneber at fylkeskommunane sjølv kan velje kva omfang tilbodet skal ha, meiner departementet at fylkeskommunen, med midlane som er overførte til rammetilskotet, er kompenserte for den foreslalte plikta.

#### **68.35.7 Plikt til å sørge for at elevane får ein trygg og god overgang frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa**

I punkt 40 foreslår departementet å innføre ei plikt for fylkeskommunane til å sørge for at elevane får ein trygg og god overgang frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa, og å innføre ei plikt for kommunane til å samarbeide med fylkeskommunane om overgangen. Forslaget vil innebere noko administrativt meirarbeid for kommunane og fylkeskommunane. Departementet anslår meirkostnaden for fylkeskommunane til om lag 10 millionar kroner, og det same for kommunane, totalt 20 millionar kroner. Anslaget svarer til kompensasjonen på 20 millionar kroner til kommunane i 2018 då det vart innført ei plikt for skolen til å samarbeide med barnehagen om overgangen til barna frå barnehagen til skolen og SFO. I statsbudsjettet for 2023 er det løyvd 10 millionar kroner over rammetilskotet til kommunane og fylkeskommunane (5 millionar kroner til kvart forvaltningsnivå), som legg til rette for å innføre plikta frå hausten 2024.

#### **68.36 Opplæring for barn og ungdom som søker eller ikkje har opphaldsløyve i Noreg**

Departementet foreslår i punkt 41 å gjere ei justering frå dagens reglar om når retten til opplæring for ungdom som har søkt om opphaldsløyve, tek slutt ved fylte 18 år. I dag varer retten ikkje lenger

enn ut inneverande skoleår etter fylte 18 år. For å likestille dei som er fødde i same kalenderår, foreslår departementet å justere dette til at retten ikkje varer lenger enn ut det skoleåret som byrjar det kalenderåret ein fyller 18 år. Det er berre dei som fyller 18 år i perioden mellom 1. januar og utløpet av skoleåret, som vil få rett til eitt år til med opplæring. Departementet anslår at forslaget vil medføre auka tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphold, på 7,7 millionar kroner. Anslaget er usikkert og vil avhenge av talet som søker om opphold, og om desse får opplæring. Fylkeskommunane skal kompenseraast for lovendringa gjennom tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphold i Noreg (kap. 225, post 64). Dersom lovendringa tek til å gjelde frå skoleåret 2024–2025, medfører det først konsekvensar for tilskotet til opplæring av barn og unge som søker opphold i Noreg, frå statsbudsjettet for 2025.

## **68.37 Vidaregåande opplæring i bedrift**

I punkt 42 blir det foreslått å innføre ein lovfesta rett til læreplass eller eit anna opplæringstilbod på vidaregåande trinn 3 som leier fram til fag- eller sveineprøve. Dersom fylkeskommunen ikkje kan gi søkeren tilbod om læreplass, har søkeren rett til eit anna opplæringstilbod på vidaregåande trinn 3. Dette er i hovudsak ei vidareføring av dagens reglar men gjer tydeleg i lova at læreplass er målet, og at elevar som ikkje får læreplass, også er sikra progresjon i det yrkesfaglege opplæringsløpet. Departementet foreslår også ein heimel til å gi forskrift om opplæringstilboden til dei som ikkje får læreplass, som eit ledd i å forbetre tilboden. Dette mellom anna for å sikre tidlegare oppstart av tilboden til dei som ikkje får læreplass. Departementet vil komme tilbake til ev. meirkostnader i samband med høyringa av forskrifta.

I statsbudsjettet for 2023 er det løyvd om lag 460 millionar kroner for å styrke arbeidet for fleire læreplassar og å bidra til kvalifisering og formidling til læreplassar i fag- og yrkesopplæringa. Midlane kan mellom anna brukast på å sikre elevane som ikkje får læreplass, ei god opplæring slik at dei kan fullføre med fag- eller sveinebrev. Departementet meiner det er lagt budsjettmessig til rette for å innføre denne retten.

Forslaget inneber administrative konsekvensar for fylkeskommunane, som må leggje til rette for opplæringstilboden.

## **68.38 Rett til førebuande og vidaregåande opplæring for vaksne**

### **68.38.1 Generelt**

Grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne er omtalte i kapittel 43 i proposisjonen. Mange av forslaga er klargjeringar og presiseringer av gjeldande rett og blir ikkje rekna som å ha vesentlege økonomiske og administrative kostnader. I det følgjande blir økonomiske og administrative konsekvensar omtalte for dei forslaga som inneber utvidingar av rettar og plikter, eller der det av andre årsaker kan vere økonomiske og administrative konsekvensar.

### **68.38.2 Rett til realkompetansevurdering for vaksne**

Departementet foreslår i punkt 43.11 å innføre ein generell rett til realkompetansevurdering for alle vaksne med rett til grunnskoleopplæring eller vidaregåande opplæring og vaksne utan rett til opplæring som har tilvising frå kommunen eller Nav.

For vaksne med rett til vidaregåande opplæring er forslaget ei vidareføring av gjeldande rett. Utvidingar av retten til realkompetansevurdering som følgje av utviding av retten til vidaregåande opplæring blir omfatta av kostnadene for utvindinga av retten til vidaregåande opplæring.

For vaksne med rett til grunnskoleopplæring kjem retten til erstatning for retten til rådgiving for å få kartlagt kva behov dei har, som følger av dagens § 4A-8. Departementet går ut frå at forslaget om ein rett til realkompetansevurdering på grunnskolenivå ikkje vil medføre auka kostnader samanlikna med oppfyllinga av dagens reglar om kartlegging.

Forslaget om at vaksne som ikkje har fullført grunnskoleopplæring, får rett til realkompetansevurdering på vidaregåande opplærings nivå der som dei får tilvising frå kommunen eller Nav, kan medføre at fleire får rett til realkompetansevurdering. Dei vil berre få slik rett dersom kommunen eller Nav viser til det og dekkjer kostnadene. Kommunen og Nav får inga plikt til å vise til dette, og departementet legg grunn at slik tilvising først og fremst er aktuelt der dette kan bidra til at den vaksne får jobb, eller det har andre nytteeffektar som overgår kostnadene med eit slikt tiltak.

### **68.38.3 Individuell tilrettelegging av opplæring for vaksne i vidaregåande opplæring**

Forslaget i punkt 43.16 om å innføre rett til individuelt tilrettelagt opplæring i vidaregåande opplæring for vaksne blir ikkje rekna til å ha vesentlege økonomiske og administrative konsekvensar for fylkeskommunen. Forslaget inneber ein meir avgrensa rett til individuell tilrettelegging for vaksne i vidaregåande opplæring enn det som gjeld for vaksne i grunnskoleopplæring og for barn og unge. Retten gjeld ikkje tilrettelegging som inneber ei uforholdsmessig byrde, og ressursomstsyn kan vektleggjast. Retten går ikkje lenger enn det som uansett følgjer av likestillings- og diskrimineringslova.

### **68.38.4 Rett til opplæring i og på samisk**

Departementet foreslår i punkt 43.19 å lovfeste rett til opplæring i samisk for vaksne i grunnskolen og vidaregåande opplæring og rett til opplæring på samisk i forvaltningsområdet for samisk språk når det er nødvendig for at den vaksne skal få forsvarleg grunnskoleopplæring. Departementet meiner forslaget ikkje vil ha vesentlege økonomiske og administrative konsekvensar, då reglane som blir foreslått, allereie følgjer av sameova, forarbeida til opplæringslova, rundskriv og andre tolkingar og dermed må vurderast som ei kodifisering av gjeldande rett. Retten til opplæring på samisk som blir foreslått lovfesta for vaksne, er heller ikkje den same som retten til opplæring på samisk for barn og unge. Vaksne i grunnskoleopplæring skal etter forslaget ha opplæring på samisk når det er nødvendig for at den vaksne skal få forsvarleg grunnskoleopplæring. I praksis vil den vaksne berre ha rett til opplæring på samisk der som han eller ho ikkje kan følgje opplæringa på norsk. Departementet går ut frå at denne retten sjeldan vil utløysast, og at retten i så fall vil ha avgrensa varighet.

### **68.38.5 Rett til særskild språkopplæring i grunnskoleopplæring for vaksne**

Forslaget om å lovfeste reglar om særskild språkopplæring i grunnskoleopplæring for vaksne vil ikkje ha vesentlege økonomiske og administrative konsekvensar, då reglane som blir foreslått, allereie følgjer av tolkingar av opplæringslova. Sjå punkt 43.20.

### **68.38.6 Rett til forsterka opplæring i norsk i vidaregåande opplæring for vaksne**

Forslaget i punkt 43.20 om å innføre rett til forsterka opplæring i norsk i vidaregåande opplæring for vaksne har økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen. Kostnaden for fylkeskommunen blir anslått til om lag 15 millionar kroner per år (1 000 deltakrar x 15 000 kroner). Anslaget er usikkert ettersom det ikkje finst tal for kostnaden for forsterka opplæring i norsk, og sidan anslaget for talet på deltakrar som treng slik opplæring, også er usikkert. Det blir elles vist til fylkeskommunane allereie får tilskot til norskopplæring etter integreringslova. I statsbudsjettet for 2023 er det løyvd 7,5 millionar kroner over rammetilskotet til fylkeskommunane, som legg til rette for å innføre denne retten frå hausten 2024.

### **68.38.7 Rett til opplæring i teiknspråk og punktskrift**

Departementet foreslår i punkt 43.21 eigne reglar om teiknspråk og punktskrift for vaksne. Departementet foreslår at vaksne skal ha rett til opplæring i norsk teiknspråk og rett til opplæring på norsk teiknspråk eller opplæring ved hjelp av teiknspråktolk. Departementet foreslår at vaksne skal ha rett til opplæring i punktskrift, mobilitetstrening og opplæring i bruk av tekniske hjelpemiddel.

Departementet meiner at innhaldet i desse rettane langt på veg følgjer av gjeldande rett, då det vil vere avgjerande for at den vaksne skal få ei forsvarleg opplæring, og for å unngå forskjellsbehandling. Hovudforskjellen vil vere at det blir ein individuell rett, med tilhøyrande saksbehandlingsreglar og klagetilgang. Dette vil ikkje ha vesentlege administrative eller økonomiske konsekvensar for kommunen og fylkeskommunen.

### **68.38.8 Påbygging og opplæring fram til studiekompetanse**

Departementet foreslår tre utvidingar av retten til påbygging til generell studiekompetanse for vaksne i punkt 43.7. Departementet foreslår at retten ikkje blir avgrensa til dei som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring etter 2014. Departementet foreslår også å oppheve gjeldande avgrensing om at fag- og yrkesopplæring må vere fullført og bestått innan utgangen av det året ein fyller 24 år. Dessutan foreslår departementet å oppheve avgrensinga på eitt år med påbygging.

Departementet går ut frå at påbygging til generell studiekompetanse framleis vil vere mest aktuelt for dei som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring som ein del av dagens ungdomsrett, og at det er mindre sannsynleg at ein seinare ombestemmer seg og ønskjer studiekompetanse dersom ein tek fag- og yrkesopplæring etter at ein har vorte 25 år. Tilsvarande er det mindre sannsynleg at dei som fullførte og bestod fag- og yrkesopplæring før 2014, no ombestemmer seg og ønskjer studiekompetanse. Departementet går derfor ut frå at utvidingane som blir foreslått, ikkje vil medføre ein vesentleg auke i talet på vaksne som tek påbygg. Departementet meiner heller ikkje at det er grunn til å tru at forslaget om å oppheve avgrensinga på eitt år vil føre til at mange bruker lengre tid på påbygging til studiekompetanse, då det må leggjast til grunn at dei som vel dette, ønskjer å oppnå studiekompetanse så raskt som mogleg.

Samtidig må forslaget sjåast i samanheng med forslaget om å innføre ein rett til yrkesfagleg rekvalifisering som fylkeskommunen blir kompensert for. Dersom vaksne nyttar seg av ein rett til påbygging i staden for å rekvalifisere seg til ein ny yrkeskompetanse, så vil dette innebere ei innsparing for fylkeskommunen. Departementet meiner at forslaga om utviding av retten til påbygging til generell studiekompetanse for vaksne ikkje vil medføre vesentlege meirkostnader for fylkeskommunane som ikkje blir dekte av kostnadsoverslag for andre utvidingar av retten til vidaregåande opplæring som blir foreslått i denne proposisjonen.

Forslaget om ein rett til opplæring fram mot studiekompetanse for dei som har oppnådd yrkeskompetanse utan å ha bestått fellesfaga, er ei tilpassing for å unngå utilsikta konsekvensar av endringar i retten til vidaregåande opplæring og av den planlagde innføringa av modulstrukturerte læreplanar i opplæringa for vaksne. For dei som tar modulisert fag- og yrkesopplæring, inneber forslaget at dei får opplæringa i fellesfaga først dersom dei ombestemmer seg og ønskjer studiekompetanse, og ikkje fordelt mellom fag- og yrkesopplæringa og påbygginga som elles. Dei får altså ikkje rett til meir opplæring, berre fordelt på ein annan måte. For praksiskandidatar og kandidatar for fagbrev på jobb gir forslaget ikkje ein betre rett til opplæring enn i dag – utover det som følgjer av den generelle utvidinga av retten til vidaregåande opplæring. Forslaget blir dermed ikkje rekna for å ha vesentlege økonomiske og administrative konsekvensar utover det som følger av

den generelle utvidinga av retten til vidaregåande opplæring.

#### **68.38.9 Rett til skyss for dei mellom 19 og 24 år som vel vidaregåande opplæring for vaksne**

Departementet foreslår i punkt 43.28 å innføre rett til skyss for dei mellom 19 og 24 år som vel vidaregåande opplæring for vaksne. Denne aldersgruppa har rett til skyss dersom dei vel vidaregåande opplæring for ungdom, noko dei har rett til med dagens reglar. Forslaget kan likevel medføre ein auke i kostnadene dersom opplæringa blir organisert utanfor den ordinære opningstida til skolane. Det er krevjande for departementet å anslå ev. økonomiske konsekvensar som følgje av dette, mellom anna på grunn av manglande oversikt over organiseringa av skysstilbodet ulike stader i landet og omfangset av skyssbehovet til målgruppa. I den grad opplæringa er komprimert eller blir gitt delvis som fjernundervisning, vil skysskostnadene bli redusert. I sum legger departementet til grunn at forslaget ikkje medfører vesentlege meirkostnader for fylkeskommunane.

#### **68.38.10 Plikt for kommunen og fylkeskommunen til å sørge for rådgiving for vaksne i grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring**

Departementet foreslår i punkt 43.27 å innføre ei plikt for kommunen og fylkeskommunen til å ha tilbod om rådgiving om utdannings- og yrkesval i grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne. For kommunane kjem plikta til å sørge for rådgiving om utdannings- og yrkesval til erstatning for dagens § 4A-8 om rett til rådgiving for å kartlegge kva tilbod den vaksne treng. Plikta til å sørge for rådgiving om utdannings- og yrkesval er innhaldsmessig noko vidare enn dagens plikt, men ettersom kommunane etter forslaget sjølv kan vurdere korleis dei vil oppfylle plikta til rådgiving, og korleis dei vil organisere slike tilbod, legg departementet likevel til grunn at dette tiltaket kan gjennomførast innanfor gjeldande budsjetttrammer.

For fylkeskommunen er plikta til å sørge for rådgiving om utdannings- og yrkesval ei ny plikt. Fylkeskommunane kan etter forslaget sjølv vurdere korleis dei vil oppfylle plikta til rådgiving, og korleis dei vil organisere slike tilbod. Kva meirkostnadene vil bli, vil vere avhengig av korleis fylkeskommunen løyser oppgåva. Dersom ein legg til grunn tilsvarande kapasitet og organisering

som er lagt til grunn for rådgiving for dei som har lærerid i bedrift, og tek utgangspunkt i kostnadsoversлага for dette forslaget (kap. 63.32), kan meirkostnadene for fylkeskommunane anslåast til om lag 25 millionar kroner. Fylkeskommunen kan også oppfylle den overordna plikta til å sørge for rådgiving til deltakarar i vidaregåande opplæring for vaksne med eit mindre omfattande tilbod og ved ei anna organisering enn rådgivingstilbod på ein bestemt opplæringsstad. Kor mykje som kan forventast i oppfyllinga av ei slik overordna plikt, kjem an på kor mykje midlar fylkeskommunen blir tilført. Plikta fylkeskommunen har til å sørge for rådgiving, skal ikkje strekkje seg lenger enn det som er mogleg innanfor midlane som blir tilførte. I statsbudsjettet for 2023 er det løyvd 12,5 millionar kroner over rammetilskotet til fylkeskommunane, som legg til rette for å innføre denne plikta frå hausten 2024.

### **68.38.11 Politiattest**

I punkt 43.30 forslår departementet at det blir innført krav om politiattest for dei som skal tilsettjast i grunnskoleopplæring for vaksne. Forslaget kan føre til noko meir administrasjon både hos kommunen og hos politiet. Tal frå Grunnskolens Informasjonssystem (GSI) for skoleåret 2020–2021 viser at det totalt er om lag 1 300 årsverk til undervisning i grunnskoleopplæringa for vaksne (til samanlikning er det i overkant av 55 000 årsverk i grunnskolen for barn og unge). Kravet om politiattest vil etter forslaget berre gjelde ved nytiletjingar. Det vil dermed ikkje bli nokon vesentleg auke i talet på personar som vil trenge politiattest. I nokre tilfelle blir lærarar tilsette i kombinerte stillingar i grunnskoleopplæring for vaksne og grunnskoleopplæring for barn og unge. I slike tilfelle må dei også i dag skaffe politiattest. Forslaget blir ikkje rekna som å ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

### **68.39 Rådgiving**

Forslaget i punkt 44 om at fylkeskommunane skal sørge for at dei som har lærerid i bedrift får tilgang til rådgiving, er ei utviding av dagens reglar og vil ha økonomiske og administrative konsekvensar. Fylkeskommunane må sørge for tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å tilby rådgiving til dei som har lærerid i bedrift.

Det er usikkert kor mange som har lærerid i bedrift som vil nytte seg av tilboden. I NOU 2016: 7 *Norge i omstilling – karriereveiledning for individ*

*og samfunn* vart det lagt til grunn at ei utviding av rådgivningsplikta ville koste om lag 57 millionar kroner per år. Departementets forslag er ikkje like omfattande som forslaget i NOU 2016: 7. Dette har noko å seie for dei økonomiske konsekvensane av forslaget. For elevar er det i dag ein tariffesta ressursnorm for rådgivar i vidaregåande opplæring. Departementet har anslått kostnadene forslaget medfører, ved å ta utgangspunkt i denne, på same måten som i NOU 2016: 7, men med eit oppdatert tal på lærlingar. Fordi det er grunn til å tru at meirkostnadene frå fylkeskommunane for rådgiving av dei som har lærerid i bedrift er lågare enn for det tilsvarande talet på elevar i skole, er det i forslaget lagt til grunn 40–60 prosent av alle lærlingar. Det gir ein anslått meirkostnad på mellom 30 og 45 millionar kroner (heilårsverknad). I statsbudsjettet for 2023 er det løyvd 22,5 millionar kroner over rammetilskotet til fylkeskommunane, som legg til rette for å innføre plikta frå hausten 2024.

### **68.40 Oppfølgingstenesta**

Forslaget i punkt 45 om å utvide målgruppa for oppfølgingstenesta frå 16 til 21 år til 16 til 24 år blir anslått å ha ein meirkostnad på om lag 17 millionar kroner årleg. Forslaget inneber ei utviding av målgruppa med om lag 17 000 personar. I statsbudsjettet for 2023 er det løyvd 8,5 millionar kroner over rammetilskotet til fylkeskommunane, som legg til rette for å utvide målgruppa i lova frå hausten 2024.

Resten av forslaga i punkt 45 vil ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

### **68.41 Karriererettleiing**

Forslaget i punkt 46 om at fylkeskommunane skal ha eit tilbod om gratis karriererettleiing for dei som er busette i fylket, er ei vidareføring av dagens reglar og vil ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar.

### **68.42 Kulturskolen**

Departementet legg til grunn at forslaga i punkt 47 om kulturskolen og formålsparaf for denne ikkje vil ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

## **68.43 Utval, råd, læreplangrupper og klagenemnder utnemnde av staten**

Forslaget i punkt 48 om å framleis ha lovreglar om foreldreutvalet i grunnopplæringa (FUG), Samarbeidsrådet for yrkesopplæringa (SRY), faglege råd og læreplangrupper vil ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar. Det same gjeld resten av forslaga i punkt 48.

## **68.44 Privatistar, praksiskandidatar, godkjenning av utanlandsk fagopplæring og mellomstatlege avtalar om private vidaregåande skolar**

Forslaget i punkt 49 om å i hovudsak vidareføre dagens reglar om praksiskandidatar, godkjenning av utanlandsk fagopplæring og mellomstatlege avtalar om private vidaregåande skolar vil ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar. Det same gjeld resten av forslaga i punkt 49.

## **68.45 Personalet i skolen**

Forslag som omhandlar personalet i skolen, er omtalt i punkt 50.

Forslaget om at kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at skolane har tilgang på vikarar ved vanleg og forventa fråvær, vil synleggjere viktigheita av at skolane har tilgang på vikarar når lærarane er fråverande. Som gjort greie for i punkt 50 følgjer det etter føresetnadene av andre reglar i dagens lov, og andre reglar i lovforslaget, at kommunen og fylkeskommunen må sikre tilgang på vikarar ved fråvær. Departementet legg derfor til grunn at forslaget ikkje vil ha vesentlege økonomiske og administrative konsekvensar.

Resten av forslaga i punkt 50 vil ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

## **68.46 Praksisplassar i skolen**

Forslaget i punkt 51 om å vidareføre regelen om at departementet kan påleggje kommunane og fylkeskommunane å gi studentar frå universitet og høgskolar praksisopplæring og rettleiing i skolen, vil ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

## **68.47 Politiattest og vandelskontroll**

Forslaga i punkt 52 om å utvide personkrinsen som er inkludert i kravet om å leggje fram politiattest, inneber at kommunane må innhente attest for fleire personar enn i dag og gjere ei konkret vurdering av alle merknader på attestar dei innhentar. Dette kan føre til nokre fleire klagesaker. Vidare vil forslaga medføre ein viss auke i administrasjon for politiet. Samla sett går departementet ut frå at endringane som blir foreslått, ikkje vil medføre vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

## **68.48 Ansvaret til kommunane, fylkeskommunane og staten**

Forslaga om ansvaret til kommunen, fylkeskommunen og staten er omtalte i punkt 53.

Departementet foreslår at fylkeskommunen skal oppfylle retten til opplæring for barn som er pårørende til søsken eller foreldre som er innlagde på helseinstitusjon, når institusjonsopphaldet truleg vil medføre fråvær for barnet eller søskenet på minst 14 dagar per skoleår. For fylkeskommunane er det ein fordel at eit opplæringstilbod allereie er etablert for elevar som er innlagde i helseinstitusjon. Auken i talet på barn som vil ha behov for eit opplæringstilbod ved helseinstitusjonane på det foreslalte grunnlaget, synest relativt avgrensa.

I ei kartlegging gjort av Kunnskapsdepartementet i samarbeid med KS er fylkeskommunane spurde om kor mange barn i fylkeskommunen som bur på helseinstitusjon som pårørende til innlagde søsken eller foreldre, i kortare eller lengre periodar, og som kan ha behov for eit opplæringsstilbod på helseinstitusjonen (til dømes fordi det er for lang reiseveg til heimskolen). Departementet har også innhenta opplysningar frå dei fire helseføretaka. Basert på svara anslår departementet at det kvart år i snitt er 22 barn i kvart fylke som har behov for eit opplæringsstilbod i seks veker, og at den samla kostnaden for heile landet blir om lag 5 millionar kroner per år. Som Vestfold og Telemark fylkeskommune har uttalt i høyringa, vil det for fylkeskommunar med små avstandar vere mogleg å løyse det auka ansvaret innanfor dagens rammer.

Fylkeskommunen der institusjonen ligg, har rett til refusjon av utgifter til opplæringa frå fylkeskommunen der det pårørende barnet var busett då pasienten vart innlagd, på same måten og etter same reglar som for pasientar som får eit opp-

læringstilbod i helseinstitusjonar. Ettersom det allereie finst eit system for slik refusjon mellom fylkeskommunane, legg departementet til grunn at forslaget ikkje vil ha vesentlege administrative konsekvensar.

Resten av forslaga om ansvaret i punkt 53 vidarefører dagens reglar og vil ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

#### **68.49 Behandling av personopplysningar**

Departementet foreslår å vidareføre dagens reglar om behandling av personopplysningar, den nasjonale databasen for vitnemål og dokumentasjon av kompetanse, og heimelen for innhenting av opplysningar fra Folkeregisteret.

Departementets forslag i punkt 54 vil derfor ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar.

#### **68.50 Kravet om å sørge for ulykkesforsikring**

Departementet foreslår i punkt 55 å utvide plikta til å sørge for ulykkesforsikring til også å omfatte personar som deltek i førebuande opplæring for vaksne og vidaregåande opplæring for vaksne. Denne gruppa vil då vere dekt på lik linje med elevar.

Departementet er kjent med at dagens gjennomsnittskostnader per elev for ulykkesforsikring varierer noko mellom kommunane. Det er om lag 13 000 vaksne som deltek i førebuande opplæring for vaksne, og om lag 16 000 som deltek i vidaregåande opplæring for vaksne. Med utgangspunkt i at gjennomsnittleg kostnad for forsikring per vaksen per år vil vere mellom 10 og 25 kroner, anslår departementet at tiltaket har ein samla kostnad på mellom 130 000 og 325 000 kroner for kommunane, og mellom 160 000 og 400 000 kroner for fylkeskommunane. Kommunesektoren blir kompensert for meirutgifter over rammetilskotet.

#### **68.51 Internkontroll og kvalitetsutvikling**

Forslaget i punkt 56 om å innføre krav om at også fylkeskommunen skal ha skolefagleg kompetanse i administrasjonen, er utforma slik at det gir stor grad av handlefridom med omsyn til korleis fylkeskommunen kan innrette seg for å oppfylle

kravet. Vidare har fylkeskommunane skolefagleg kompetanse i administrasjonen i dag. Forslaget blir derfor ikkje rekna som å ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

Resten av forslaga i punkt 56 om krav til arbeid med kvalitetsutvikling vil ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

#### **68.52 Oppfylling av enkeltvedtak som er kjent ugyldig**

Forslaget i punkt 57 om oppfylling av enkeltvedtak som er kjent ugyldig, har ikkje vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

#### **68.53 Deltaking i evalueringar og informasjonsinnhenting**

Forslaget i punkt 58 om å vidareføre reglane om informasjonsinnhenting og evaluering har ikkje vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

#### **68.54 Klagetilgang og klageinstans**

Reglane om klagetilgang og klageinstans er omtalte i punkt 59.

Forslaget til nye reglar om klageinstans inneber å flytte klagemyndet for enkelte enkeltvedtak frå eit forvaltningsnivå til eit anna, men legg ikkje opp til vesentlege endringar i dagens ordning. Det må likevel forventast noko auka arbeidsmengd hos statsforvaltaren fordi forslaget fører til at nokon fleire vedtak enn i dag skal klagebehandlast der. Det blir lagt til grunn at forslaget ikkje skal medføre meirkostnader totalt sett, slik at eventuelt auka kostnader for statsforvaltaren blir handterte gjennom overføring av midlar mellom forvaltningsnivåa. Kor mykje ressursar som i dag blir brukte hos fylkeskommunane på slike klagesaker, kjem til å bli kartlagt. Eventuell rammeoverføring av midlar blir handtert i statsbudsjettet.

#### **68.55 Statleg tilsyn med kommunar og fylkeskommunar**

Forslaget om å i hovudsak vidareføre tilsynsheimlane for statsforvaltaren og departementet i punkt 60 vil ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar. I denne lovproposisjonen er det foreslått å innføre nokre nye reglar som det

kan førast tilsyn med, men det er ikke lagt til grunn at det samla omfanget tilsyn skal endrast samanlikna med i dag.

### **68.56 Reaksjonar overfor kommunar, fylkeskommunar og tilsette i skolen**

---

Forslaget i punkt 61 vil ikke ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar. Departementet foreslår å vidareføre reaksjonsmøglegheitene mot kommunar og fylkeskommunar og å vidareføre reglar om tvangsmult, straff og delt bevisbyrde i saker om erstatning i skolemiljøsaker.

### **68.57 Avgjerder på vegner av barnet når barnevernstenesta har overteke omsorga**

---

Forslaget i punkt 62 om å vidareføre regelen om kven som kan ta avgjerder på vegner av barnet i skolesaker når barnevernet har overteke omsorga, vil ikke ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

### **68.58 Reklame i skolen**

---

Forslaget i punkt 63 om å vidareføre reklameforbodet i opplæringslova vil ikke ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

### **68.59 Forsøk**

---

Forslaget i punkt 64 om å vidareføre heimelen til å gjennomføre lokalt og sentralt initierte forsøk vil ikke ha økonomiske eller administrative konsekvensar.

### **68.60 Private grunnskolar som ikkje får statsstøtte**

---

Forsлага i punkt 65 vil ikke ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

### **68.61 Privatskolelova**

---

Dei forslaga i punkt 66 som har økonomiske eller administrative konsekvensar for private skolar godkjende etter privatskolelova, blir omtalte under dei aktuelle punkta ovanfor.

## 69 Merknader til lovforslaget

### Første del – innleiande reglar

Kapittel 1 Formålet med og krava til opplæringa

#### Til § 1-1 Formålet med lova

Paragrafen er ny og er omtalt i punkt 7.2.

Paragrafen slår fast det primære formålet med lova, som er å bidra til god opplæring i eit godt miljø. Nemninga «miljø» omfattar både det psykososiale og det fysiske miljøet.

#### Til § 1-2 Verkeområde

Paragrafen er ein kombinasjon av ny og vidareført lovetekst og er omtalt i punkt 7.3.

*Første ledd* erstattar dagens lov § 1-2 og fastset det generelle verkeområdet til lova. Det er også fastsett reglar om særskilt verkeområde for kapittel 7 og 12 i lova.

Med «grunnskoleopplæring» er det meint både offentleg grunnskoleopplæring, opplæring i private grunnskolar og grunnskoleopplæring i heimen. Uttrykket «vidaregående opplæring» omfattar både opplæring i skole og lærerid i bedrift og både offentleg og privat vidaregående opplæring.

Lova gjeld også for «verksemd knytt til opplæringa», til dømes skolefritidsordninga, pedagogisk-psykologisk teneste og oppfølgingstenesta.

*Første ledd* må sjåast i samanheng med § 1-1, der personkrinsen er «barn, ungdom og vaksne». Dette omfattar også dei som berre tek eksamen eller fag- og sveineprøve, og dei som søker om godkjenning av ei opplæring, sjå kapittel 9 og 23 i lova.

Det geografiske verkeområdet til lova går ikkje direkte fram av lova. Det følgjer då av alminnelege prinsipp at lova gjeld i Noreg dersom anna ikkje er fastsett i særskilde reglar i lova eller i andre lover. Det betyr til dømes at norske borgarar som buset seg i utlandet, ikkje er omfatta av lova. Vidare er det fastsett i § 28-6 andre ledd at departementet kan godkjenne at fylkeskommunar driv vidaregående opplæring i utlandet.

*Andre ledd* er nytt og gir departementet heimel til å gi forskrift om korleis lova kjem til bruk på Svalbard. Krava til opplæring på Svalbard følgjer

av forskrift 17. juni 2022 nr. 1044 om grunnskoleopplæring og vidaregående opplæring i Longyearbyen, gitt med heimel i Svalbardlova § 4. Forskrifta gjer ei rekke reglar i dagens opplæringslov gjeldande for opplæringa i Longyearbyen, og ho må oppdaterast eller erstattast av ny forskrift når ny opplæringslov blir vedteken og tek til å gjelde.

Ved å ta inn ein heimel for å gi forskrift om korleis lova kjem til bruk på Svalbard i § 1-2 andre ledd, kan forskrifta heimlast i ny opplæringslov i staden for Svalbardlova.

#### Til § 1-3 Formålet med opplæringa

Paragrafen vidarefører dagens lov § 1-1 og er omtalt i punkt 8.

Paragrafen er utdjupa i overordna del av læreplanverket. Sjå elles NOU 2007: 6, Ot.prp. nr. 46 (2007–2008) og Innst. O. nr. 22 (2008–2009).

#### Til § 1-4 Mål og prinsipp for opplæringa

Paragrafen vidarefører dagens lov §§ 1-6, 2-3 tredje ledd og 3-4 første ledd med enkelte språklege endringar og er omtalt i punkt 11, sjá særleg punkt 11.5.2.

*Første ledd* er avgrensa til overordna mål og prinsipp for opplæringa og gir derfor ikkje heimel til å gi reglar om organisering eller ressursbruk.

Etter *andre ledd* avgjer departementet kva læreplanar som skal fastsetjast, inkludert om dei skal vere gjennomgåande for grunnskoleopplæringa og den vidaregående opplæringa eller ikkje, og om læreplanane skal gjelde for alle eller berre for særskilde grupper, til dømes for elevar med kvensk eller norskfinsk bakgrunn. Forskriftsheimelen opnar også for at departementet kan fastsetje i forskrift at enkelte elevar kan få fritak for delar av opplæringa, til dømes kroppsøving.

Læreplanane i fag definerer strukturen, innhaldet og omfanget av faga og dannar fundamentet for planlegginga og gjennomføringa skolane og bedriftene gjer av opplæringa. Læreplanane skal sikre at skolane og bedriftene gir opplæring som fører til at elevane og dei som har lærerid i bedrift, utviklar ein likeverdig sluttkompetanse. Dette

skal støtte opp om fellesskolen og gi tillit til kompetansen og dokumentasjonen frå opplæringa.

Departementet avgjer innhaldet i læreplanane i fag, inkludert om opplæringa skal gjennomførast i skole eller i bedrift, innanfor rammene i lover og Noregs internasjonale forpliktingar. Noreg har mellom anna ratifisert ILO-konvensjon nr. 142, og det følgjer til dømes av §§ 3-1 og 6-1 at elevane skal ha opplæring i begge skriftspråka, bokmål og nynorsk.

#### *Til § 1-5 Samisk innhald i opplæringa og samiske læreplanar*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 6-4 med enkelte språklege endringar og er omtalt i punkt 11, sjå særleg punkt 11.5.2.

Etter *første ledd* skal forskrifter om læreplanar i fag gi pålegg om opplæring om den samiske folkegruppa og om språket, kulturen og samfunnslivet til denne folkegruppa i tilknyting til dei ulike fagområda.

*Andre ledd første og andre punktum* pålegg Sametinget å gi forskrift om det samiske innhaldet i dei nasjonale læreplanane og læreplanane for opplæring i samiske språk i grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. Heimelen til å gi forskrift om læreplanar i «særskilde samiske fag» gjeld berre for den vidaregåande opplæringa, og heimelen omfattar ikkje parallelle planar som er tilpassa dei ordinære, nasjonale planane.

Med «rammene» i *andre ledd tredje punktum* er det meint både omfangs- og ressursrammer. Avgrensinga inneber derfor at departementet bestemmer kva og kor store delar av læreplanane i fag som skal ha samisk innhald, og kor omfangsrik opplæringa i samiske språk og særskilde samiske fag i vidaregåande opplæring skal vere. Rammene kan vidare fastsetjast gjennom den overordna delen av læreplanverket, retningslinjer for utforming av nasjonale og samiske læreplanar, dei fastsette kjernelementa i faga og gjennom resten av styringsdialogen mellom Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet. Innanfor desse rammene fastset Sametinget forskrifter om innhaldet.

*Tredje ledd første punktum* pålegg departementet å gi forskrift om andre særskilde læreplanar for grunnskoleopplæringa i forvaltningsområdet for samisk språk og for andre elevar som får samisk opplæring i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa.

Kravet om at Sametinget skal lage «utkast til forskrift» i *tredje ledd andre punktum* skal sikre at

Sametinget får innverknad på utforminga av dei særskilde læreplanane.

#### *Til § 1-6 Fag- og timefordeling og tilbodsstruktur*

Paragrafen vidarefører ei rekke heimlar i dagens lov til å gi forskrift og er omtalt i punkt 11, sjå særleg punkt 11.4.5.

*Første ledd* pålegg departementet å fastsetje ei fag- og timefordeling for grunnskolen. I tida som er sett av til kvart enkelt fag i fag- og timefordelinga, skal opplæringa vere i samsvar med læreplanen i det aktuelle faget. Heimelen omfattar også særlege timerammer for grupper av elevar, til dømes elevar som får opplæring i og på samisk, i teiknspråk, i punktskrift osv. Forskriftsheimelen opnar vidare for at departementet kan fastsetje reglar om når det kan gjerast unntak frå fag- og timefordelinga for enkeltelevar.

*Andre ledd første punktum* inneber at inntil fem prosent av timane som er sette av til kvart enkelt fag i fag- og timefordelinga for grunnskolen, kan flyttast til andre fag eller brukast til særskilde tverrfaglege aktivitetar. Det er kommunen som avgjer om timane skal flyttast. Ei avgjerd om å flytte timer til andre fag vil vere ei forskrift som skal kunngjera i Norsk Lovtidend, jf. forvaltningslova § 38 første ledd bokstav c. Regelen inneber ikkje ei plikt for kommunen til omdisponeering, eller ei avgrensing av omfanget av tverrfagleg opplæring. Det kan gjennomførast tverrfagleg opplæring i meir enn fem prosent av timane, men utover denne andelen må tidsbruken fordelast på andre fag i samsvar med kravet om minste timetal.

*Tredje ledd* omfattar den vidaregåande opplæringa og pålegg departementet å fastsetje kva utdanningstilbod som fører fram til studiekompetanse eller yrkeskompetanse, for både opplæring i skole og lærerid i bedrift (tilbodsstrukturen for den vidaregåande opplæringa).

*Fjerde ledd* omfattar fag- og timefordelinga i den vidaregåande opplæringa og skal ikkje forståast slik at departementet må fastsetje eit minstetid eller korleis timane skal fordelast mellom fag og trinn. I tida som eventuelt er sett av til kvart enkelt fag i fag- og timefordelinga, skal opplæringa vere i samsvar med læreplanen i det aktuelle faget. Heimelen omfattar også særlege timerammer for elevar som får opplæring i og på samisk, i teiknspråk, i punktskrift osv. Forskriftsheimelen opnar vidare for at departementet kan fastsetje reglar om når det kan gjerast unntak frå fag- og timefordelinga for enkeltelevar. Elevane skal uansett få opplæring i tråd med måla og prinsippa som er fastsett med heimel i §§ 1-4 og 1-5, men

mindre det er gjort unntak i vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring, jf. § 11-7 andre ledd andre punktum.

*Femte ledd* omfattar dei som har læretid i bedrift.

*Sjette ledd* inneber at både kommunar og fylkeskommunar kan påleggje elevane fleire undervisningstimar enn det departementet har fastsett etter første og fjerde ledd. Timane skal brukast til opplæring i tråd med læreplanen. Kommunen og fylkeskommunen må ta omsyn til retten elevane har til kvile og fritid når dei vurderer kor mange undervisningstimar dei eventuelt skal fastsetje, jf. barnekonvensjonen § 31. Ei avgjerd om å påleggje fleire undervisningstimar enn det departementet har fastsett vil vere ei forskrift som skal kunngjerrast i Norsk Lovtidend, jf. forvaltningslova § 38 første ledd bokstav c.

Etter *sjuande ledd* kan departementet velje å gi forskrift som pålegg elevar i grunnskolen å delta i aktivitetar som ikkje er opplæring i fag, til dømes fysisk aktivitet. Aktivitetane vil vere ein del av den lovfesta retten og plikta til grunnskoleopplæring etter §§ 2-1 og 2-2.

#### Til § 1-7 Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk

Paragrafen vidarefører delar av innhaldet i dagens § 2-3 tredje ledd og § 3-4 første ledd og er omtalt i punkt 11, sjá særleg punkt 11.5.2.

Paragrafen vidarefører ein heimel til å gi forskrift om nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk. Formålet med ei slik forskrift vil vere å fastsetje eit nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring med tilvising til nivåa i Det europeiske kvalifikasjonsrammeverket for livslang læring (EQF) slik dette framstår i rekommendasjonen frå Europaparlamentet og Det europeiske råd av 23. april 2008, som er tatt inn i EØS-avtalens protokoll 31. Forskrift om dette var tidlegare heimla i reglane om at departementet kunne gi forskrift om mål for opplæringa.

### Andre del – grunnskoleopplæring

#### Kapittel 2 Rett og plikt til grunnskoleopplæring

##### Til § 2-1 Rett til grunnskoleopplæring

Paragrafen vidarefører delar av dagens lov § 2-1 og er omtalt i punkt 9, sjá særleg punkt 9.5.2.

Retten etter *første ledd* gjeld uavhengig av statsborgarskap og uavhengig av om barnet eller foreldra har lovleg opphold i Noreg. Retten varer til eleven har avslutta det 10. trinnet. Det er kom-

munen som har ansvaret for å oppfylle retten til grunnskoleopplæring, jf. § 28-1.

Fråvær som elevane eller foreldra er skuld i, avkortar retten til grunnskoleopplæring tilsvarende. Det same gjeld anna kortare fråvær, til dømes ved permisjon og sjukefråvær. I samband med meir langvarig sjukdom kan kommunane likevel vere forplikta til å gi opplæring ein annan stad enn på skolen, til dømes i heimen til eleven.

Ein kommune kan la ein elev få ekstra grunnskoleopplæring dersom det i det enkelte tilfelle verkar tenleg. Kommunen må tilby slik opplæring før eleven har fått utferda vitnemål frå grunnskolen, for at resultata frå den ekstra opplæringa skal kunne førast på grunnskolevitnemålet til eleven. Meir grunnskoleopplæring etter § 9-7 kan likevel gi anledning til å forbetra grunnskolevitnemålet.

*Andre ledd første og andre punktum* presiserer at retten gjeld frå det tidspunktet det er «trueleg» at barnet skal vere i Noreg i meir enn tre månader. For dei aller fleste barna som søker om opphaldsløyve, vil det vere klart frå første dag at barnet sannsynlegvis skal opphalde seg i Noreg i meir enn tre månader. Opplæringa skal derfor givast så raskt som mogleg og seinast innan éin månad etter at barnet har komme til Noreg.

Kravet om «så raskt som mogleg» inneber at kommunane ikkje skal utsetje opplæringa lenger enn nødvendig, sjølv om dei er innanfor fristen på éin månad. Kravet inneber også at kommunar som klarer å gi barn opplæring frå første dag etter at barna har komme til Noreg, skal gi eit tilbod frå dette tidspunktet. Ein kommune som veit eller går ut frå at det kjem nye barn i grunnskolealder til kommunen, må leggje til rette for at desse barna skal få starte på skolen med ein gong. At opplæringa skal starte så raskt som mogleg, betyr også at kommunane må starte opplæringa av barna sjølv om kommunane ikkje greier å gi eit fullverdig opplæringstilbod i tråd med opplæringslova med ein gong. Kommunane må då setje i gang med dei delane av opplæringa som dei har kapasitet til, til dømes opplæring i nokre utvalde fag. Kommunane må likevel gi eit fullverdig opplæringstilbod i tråd med lova seinast innan éin månad.

Kravet om at opplæringa skal komme i gang så raskt som mogleg, gjeld sjølv om barnet skal opphalde seg i den aktuelle kommunen i under éin månad. Fristen startar ikkje på nytt dersom eit barn flyttar mellom kommunar. Sjá elles merknaden til § 2-1 i Prop. 79 L (2016–2017).

*Andre ledd tredje punktum* fastlegg at eit barn som kjem til Noreg skal plasserast på det trinnet som passer med alderen.

*Andre ledd fjerde punktum* opnar for at barn i unntakstilfelle også kan plasserast på eit lågare trinn. I vurderinga er det mellom anna relevant å leggje vekt på kva slags opplæring barnet har fått før det kom til Noreg. Det skal også leggjast vekt på moglegheita barnet har til å oppnå sosial tilhørsel. Kommunane har inga plikt til å plassere barnet på eit lågare trinn. Dersom kommunane meiner at barnet bør plasserast på eit lågare trinn, bør foreldra og eleven blir involverte i avgjerda på ein god måte. For vurderingar av om eit barn skal plasserast på eit høgare trinn, gjeld § 2-2 tredje ledd om fritak for delar av opplæringa.

#### Til § 2-2 Plikt til grunnskoleopplæring

Paragrafen fører delvis vidare dagens lov § 2-11 og § 2-1 og er omtalt i punkt 9, sjá særleg punkt 9.5.3.

*Første ledd første punktum* slår fast at barn har plikt til grunnskoleopplæring.

*Første ledd andre punktum* gir ei uttømmande skildring av korleis plikta til grunnskoleopplæring kan oppfyllast. Plikta kan oppfyllast ved ein offentleg skole, ein privat grunnskole som er godkjend etter § 22-1 eller etter privatskolelova. Plikta kan også oppfyllast i form av privat grunnskoleopplæring i heimen utført av foreldre etter § 22-5. Dersom privatpersonar underviser barna til andre, krev dette godkjenning etter § 22-1.

*Andre ledd første punktum* seier at plikta til grunnskoleopplæring tek til å gjelde når barnet har vore i Noreg i tre månader.

Etter *andre punktum* stansar plikta til grunnskoleopplæring ved lengre utanlandsopphold, spesifisert til opphold utover tre månader. Opplæringsplikta fell bort ved avreisedatoen dersom foreldra melder frå til skolen eller kommunane om at barnet skal reise ut av landet, og at utanlandsoppholdet skal være over tre månader. Opplæringsplikta fell alltid bort når utanlandsoppholdet har vart over tre månader, uavhengig av om foreldra har gitt melding på førehand. Det er lengda på utanlandsoppholdet som er avgjerande. Regelen gjeld uavhengig av årsaka til utanlandsoppholdet, til dømes om barnet er saman med foreldra sine eller ikkje, om barnet oppheld seg utanfor Noreg mot eigen vilje, eller om opphaldet kjem av behandling som følgje av sjukdom. Tremåndarsregelen gjeld uavhengig av den fastsette skoleruta (skoledagar og feriedagar og andre fridagar). Sjá elles punkt 7.5 i Prop. 72 L (2015–2016).

*Tredje ledd første punktum* opnar for at eit barn kan fritakast frå opplæringsplikta dersom omsynet til eleven tilseier det. Fritaket kan gjelde heilt eller delvis, til dømes ved at ein elev får fritak frå

delar av skoleveka eller frå eitt eller fleire av skoleåra. Det første dømet kan vere aktuelt der eleven er sjuk, eller der eleven av andre grunnar ikkje er i stand til å ha opplæring kvar dag eller heile skoledagar. Terskelen for fritak er høg og er først og fremst aktuelt der gjennomføringa av opplæringsplikta vil verke urimeleg overfor eleven fordi eleven er alvorleg sjuk eller har monaleg nedsett funksjonsevne og ikkje er i stand til å få opplæring i heimen eller på helseinstitusjon.

Omsynet til eleven kan også tilseie fritak slik at elevar med stort læringspotensial kan «hoppe over» trinn, det vil seie at eleven kan gjennomføre grunnskolen på kortare tid enn ti år. For vurdering av tidleg skolestart (det året barnet fyller fem år) gjeld § 2-4 andre ledd. Vidare kan det vere aktuelt å vurdere fritak frå opplæringsplikta når det er klart at eit barn skal opphalde seg i Noreg kort tid utover tre månader, slik at opplæringsperioda blir kort.

Fritak frå opplæringsplikta føreset søknad frå foreldra, eventuelt at dei samtykkjer. Skolen skal informere eleven og foreldra om konsekvensane ved fritak.

Same kva som er årsaka til at det er aktuelt å vurdere om eleven skal fritakast frå opplæringsplikta, er det eit vilkår at omsynet til eleven tilseier det.

Det skal også ligge ei sakkunnig vurdering føre frå pedagogisk-psykologisk teneste (PP-teneста). Det skal også vere mogleg for eleven å få seie si mening, sjá §§ 10-1 og 10-2.

Vurderinga av om vilkåra for fritak er til stades kan bli overprøvd. Den konkrete, skjønnsmessige vurderinga av om ein elev skal få fritak, er opp til kommunane og er eit forvaltningsskjønn som domstolen og tilsynsmakta ikkje kan overprøve.

*Tredje ledd andre punktum* presiserer at fritak ikkje inneber at eleven mistar retten til opplæringa dei har fått fritak frå.

*Fjerde ledd første punktum* opnar for permisjon frå grunnskoleopplæringa. Regelen set ikkje noka grense for kor lenge og kor ofte eleven kan få permisjon. Kravet om at kvar enkelt permisjon skal vere forsvarleg, vil likevel setje ei grense for kor mange og kor lange permisjonar kvar enkelt elev kan få. Kva som er forsvarleg, må vurderast individuelt og må gjerast med grunnlag i fagleg-pedagogisk kunnskap og erfaring. I forsvarlegvurderinga kan det vere relevant å leggje vekt på om foreldra vil sørge for at eleven får den opplæringa som må til for å kunne følgje med i undervisninga på skolen etter permisjonen. Vurderinga av om ein elev skal få permisjon, er opp til kommunane og er ei skjønnsmessig vurdering. Dette er eit forvalt-

ningsskjønn som domstolen og tilsynsmakta ikkje kan overprøve.

Ein permisjon avkortar retten for eleven til grunnskoleopplæringa tilsvarande.

*Fjerde ledd andre punktum* slår fast at kommunane skal gi reglar for eigen permisjonspraksis i forskrift. Forskrifta skal kunngjera i Norsk Lovtidend, jf. forvaltningslova § 38 første ledd bokstav c.

*Femte ledd* gjeld rett til permisjon frå grunnskoleopplæring for elevar som ikkje er medlem av Den norske kyrkja. Retten til permisjon etter denne regelen er absolutt, og det skal ikkje vurderast om det er forsvarleg eller ikkje å gi permisjon. Elevane har rett til permisjon på alle heilagdagane innanfor det trussamfunnet dei tilhøyrer. Det er ikkje eit krav at eleven er medlem av eit anna trussamfunn. Det er nok at det ligg føre ei viss tilknyting til eit anna trussamfunn, til dømes at eleven ønskjer å feire heilagdagen saman med nær familie som er medlem av dette trussamfunnet. Feiring av nasjonale høgtidsdagar og liknande blir ikkje omfatta av denne regelen. Retten til permisjon føreset at foreldra sørger for at eleven får den opplæringa som må til for å kunne følgje med i undervisninga på skolen etter permisjonen. Kva krav kommunane skal stille til opplæringa i permisjontida, må vurderast ut frå kva som er nødvendig for den enkelte eleven.

Ein permisjon avkortar retten til grunnskoleopplæringa tilsvarande.

#### *Til § 2-3 Innhald, vurdering og dokumentasjon i grunnskoleopplæringa*

Paragrafen vidarefører delar av dagens lov § 2-3 og er omtalt i punkt 11, sjå særleg punkt 11.5.2 og 11.5.3.

Det følgjer av *første ledd* at opplæringa i grunnskolen skal vere i samsvar med måla og prinssippa for opplæringa og fag- og timefordelinga. Det er vist til forskrift om overordna mål og prinssipp for opplæringa og forskrift om læreplanar i fag for å gjere tydeleg at det i all hovudsak er desse forskriftene som regulerer innhaldet i opplæringa. Det er også vist til forskrift om fag- og timefordelinga som regulerer omfanget av opplæringa. Elevar som byter skole, skal følgje fag- og timefordelinga ved den nye skolen. At opplæringa skal vere i samsvar med fag- og timefordelinga inneber ikkje at elever som har hatt fråvær for opplæringa har ein rett til å ta igjen dei aktuelle timane. Forskrift om overordna mål og prinssipp for opplæringa, læreplanane i fag og fag- og timefordelinga utgjer det som i dag blir kalla «Læreplanverket for Kunnskapsløftet».

Opplæringa skal vere eigna til å nå dei måla og prinssippa som forskriftene fastset. Vurderinga av om opplæringa er i samsvar med læreplanar i fag eller læreplanverket samla sett, er ei skjønnsmessig vurdering. Skjønnet er eit lovbunde skjønn, samtidig som fleire av vurderingane må gjerast ut frå pedagogisk-fagleg kunnskap og erfaring.

Ei «individuell vurdering» etter *andre ledd første punktum* kan omfatte både undervegsvurderingar og sluttvurderingar. Døme på sluttvurderingar kan vere standpunktcharakter og eksamen. Det er kommunen som har ansvaret for å oppfylle retten til individuell vurdering og dokumentasjon, jf. § 28-1.

Det følgjer av *andre ledd andre punktum* at elevar på barnetrinnet skal få individuell vurdering utan talkarakterar. Elevane på barnetrinnet har likevel rett til å få vite kvar dei står ut frå kompetansemåla i faga.

*Andre ledd tredje punktum* slår fast at departementet skal fastsetje forskrift om kva for nokre individuelle vurderingar og kva slags dokumentasjon av opplæringa elevane har rett til etter andre ledd første punktum. Det følgjer likevel av andre ledd andre punktum at departementet ikkje kan fastsetje i forskrift at elevar på barnetrinnet skal ha vurdering med karakter. Eit døme på dokumentasjon er vitnemål, men regelen opnar også for at departementet fastset andre former for dokumentasjon.

Det er opna for at departementet fastset forskrift om både karakterar og andre vurderingsformer, inkludert forskrift om når det ikkje er grunnlag for å gi vurdering med karakter. Departementet kan også gi forskrift om fritak frå vurdering med karakter på 8. til 10. trinn.

Departementet skal også fastsetje forskrift om klage på vurdering. Departementet kan gi forskrift om kven som er klageinstans for enkeltvedtak om individuell vurdering, sjå § 29-1 tredje ledd.

Departementet kan etter *andre ledd fjerde punktum* gi forskrift om tap av retten til individuell vurdering med karakter når det ikkje er grunnlag for å gi slik vurdering.

#### *Til § 2-4 Utsett og tidleg skolestart*

Paragrafen vidarefører delar av dagens lov § 2-1 og er omtalt i punkt 9, sjå særleg punkt 9.5.6.

*Første ledd* regulerer utsett skolestart. Regelen opnar ikkje for at skolestarten kan utsetjast med meir enn eitt år. Dersom skolestarten skal utsetjast ytterlegare, må eleven fritakast frå opplæringsplikta etter § 2-2 tredje ledd.

*Andre ledd* regulerer tidleg skolestart. Tidlegare skolestart er først og fremst aktuelt der det er klart at barnet har faglege og sosiale føresetnader for å byrje på skolen, og at det vil hindre utviklinga til barnet å vente med å byrje på skolen til barnet er seks år.

Tidleg skolestart kan innvilgast same når på året barnet er fødd. Det er likevel slik at det i praksis vil vere mest aktuelt med tidleg skolestart for barn fødde tidleg på året gitt at ein viktig del av vurderingstemaet er kor modent barnet er fagleg og sosialt. Gjennomgåande vil det vere slik at desto seinare på året barnet er fødd, desto mindre sannsynleg er det at det vil vere til det beste for barnet å starte tidlegare på skolen.

Utsett og tidleg skolestart føreset søknad frå foreldra, eventuelt at dei samtykkjer dersom kommunen tek initiativ til slike vedtak.

#### *Til § 2-5 Gratis grunnskoleopplæring*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 2-15 og er omtalt i punkt 9.

*Første punktum* inneber at kommunen må sørge for at grunnskoleopplæringa er gratis – det såkalla gratisprinsippet. Paragrafen gjeld offentleg grunnskoleopplæring.

*Andre punktum* presiserer at kommunane ikkje kan krevje at verken elevane eller foreldra dekkjer utgifter i samband med denne opplæringa. Det er ikkje fastsett nokon avgrensingar, noko som betyr at alle delar av grunnskoleopplæringa skal vere gratis, til dømes aktivitetar som finn stad etter vanleg skoletid, når desse aktivitetane er ein del av opplæringa.

Døma som blir ramsa opp i *andre punktum*, er ikkje uttømmande. Med «undervisningsmateriell» meiner ein mellom anna lærebøker og andre læremiddel, til dømes ordlister, skrive- og teiknesaker, linjal, passar, kalkulator, nettbrett og PC. Med «transport i skoletida» blir det til dømes sikta til transport mellom skolen og symjehallen eller mellom skolen og biblioteket. Vidare blir det nemnt leirskoleoppald, der kommunane må dekkje alle utgifter, til dømes til transport og opphold. Tilsvarende gjeld ved andre turar med overnatting, også der skolen tek elevane med til utlandet. Til slutt blir ekskursjonar og andre turar nemnde som døme. Også her må kommunane dekkje alle utgifter, til dømes til togtransport, billettar til ei teaterframsyning eller heiskort i samband med ein skitur.

Paragrafen er ikkje til hinder for at kommunen, inkludert skolen, tek imot gåver. Det er ein føresetnad at eventuelle gåver er reelt frivillige og

anonymiserte, og elevane skal kunne delta på aktiviteten uavhengig av om dei eller foreldra har gitt ei gave eller ikkje. Sjå elles kapittel 2.4.2 i Ot.prp. nr. 94 (2001–2002) og kapittel 2.3 i Innst. O. nr. 43 (2002–2003).

Paragrafen omfattar ikkje aktivitetar som foreldra arrangerer når elevane har fri. Dette er ikkje ein del av grunnskoleopplæringa.

Skyss frå heimen til eleven og til skolen blir ikkje omfatta av paragrafen, sjå § 4-1 og følgjande paragrafar. Den gjeld heller ikkje for leksehjelpa og skolefritidsordninga, sjå §§ 4-4 og 4-5.

Paragrafen er ikkje til hinder for at elevar og foreldre kan bli erstatningsansvarlege etter skaderstatningslova §§ 1-1 og 1-2.

#### *Til § 2-6 Kva grunnskole eleven skal gå på*

Paragrafen vidarefører delar av § 8-1 og er omtalt i punkt 12.

Det følgjer av *første ledd første punktum* at elevane har rett til å gå på ein skole i nærmiljøet. I ordet «nærmiljø» ligg ikkje berre avstand, men også tilknyting. Regelen inneber at barn som bur i det same området, skal få gå saman på skolen, og at denne skolen skal vere ein skole i det som er det naturlege nærmiljøet til barna.

*Første ledd andre punktum* vidarefører at kommunane kan gi forskrift om skolekrinsar. Fastsetjinga av forskriftera må skje innanfor rammene av retten elevane har til å gå på ein skole i nærmiljøet etter første punktum og kriteria i tredje og fjerde punktum. Kommunane kan til dømes bestemme at alle i ei gate eller i eit bustadfelt skal høyre til same skolekrins. Etter kommunelova § 17-1 kan to eller fleire kommunar avtale interkommunalt samarbeid. Det inneber at kommunar kan fastsetje forskrifter om felles skolekrins mellom to eller fleire nabokommunar. Kravet i forvaltningslova § 38 første ledd bokstav c om at forskrifter skal kunngjera i Norsk Lovtidend gjeld.

*Tredje og fjerde punktum* fastset kva kommunane skal og kan leggje vekt på når dei fordeler skoleplassane. Kommunen kan tildele skoleplass anten ved fastsetjing av forskrift om skolekrinsar, eller ved enkeltvedtak om kva skole eleven skal gå på. Dei kommunane som ikkje har forskrift, må derfor gjere enkeltvedtak om kva skole eleven skal gå på. Krava gjeld uavhengig av om tildelinga av skoleplass skjer gjennom ei forskrift om skolekrinsar eller ved enkeltvedtak om skoleplass for kvar enkelt elev. Kommunane skal fordele elevane mellom dei tilgjengelege skolane med utgangspunkt i den fysiske avstanden mellom bustadadressa til barnet og skolen. Kommunane kan

også leggje vekt på dei andre forholda som er nemnde. Korleis heimane er fordelt på nabolag eller ut frå naturlege forhold som elvar og fjell, kan tilseie at den skolen som reint faktisk ligg næraast heimen, ikkje alltid vil vere den skolen eleven har rett til å gå på. Tryggleiken til barna på skolevegen kan også vere avgjerande ved vurderinga av korleis elevane skal fordelast på dei ulike skolane, og følgjeleg kva skole ein elev har rett til å gå på. I tillegg kan kapasiteten på skolane kunne få vekt i den totale vurderinga. Formuleringsa «nabolag» er meint å dekkje hus eller gardar som ligg meir eller mindre samla. Det er ei mindre eining enn ein skolekrins.

Omsynet til søsken eller andre individuelle forhold kan takast med i vurderinga av kva skole ein elev har rett til å gå på. Sosial utjamning kan også takast omsyn til ved fastsettjing av skolekrins, så framt dei andre momenta i paragrafen også blir varetatt.

Kommunane kan i ei eventuell forskrift om skolekrinsar opne for unntak frå skolekrinsane dersom skolen i krinsen ikkje har ledig kapasitet. Unntaksmoglegheita tek høgd for at det kan komme eit uventa høgt tal elevar flyttande til eit område, og at det kan føre til at ein skole ikkje har kapasitet til å ta imot alle elevane som soknar til skolen etter den kommunale forskriften om skolekrinsar. Dersom ein skole ikkje har plass til ein elev fordi skolen er full, skal kommunen gjere enkeltvedtak om kva skole eleven tilhøyrrer. Foreldra har rett til å uttale seg før kommunen gjer vedtak, og kan i samband med dette komme med eit ønske om kva skole barnet skal få plass på. Dersom tildeling av skoleplassar skjer gjennom enkeltvedtak om skoleplass for kvar enkelt elev, kan kommunen leggje vekt på kapasiteten til skolane når kommunen gjer vedtaket.

Fylkeskommunen har i visse tilfelle plikt til å tilby undervisning i institusjon, jf. §§ 28-3 til 28-5. Nærskoleprinsippet er ikkje til hinder for dette.

*Andre ledd* vidarefører regelen om at kommunane kan innvilge plass for ein elev på ein annan skole enn den eleven soknar til, dersom foreldra sokjer om det. Dersom kommunane har ei forskrift om skolekrinsar, bør kommunane fastsetje kriteria for å plasserast på ein annan skole i forskriften. Ein vanleg situasjon er at foreldra flyttar internt i kommunen og ønskjer at eleven skal kunne halde fram på den skolen eleven gjekk på før flyttinga.

Vedtak om å innvilge eleven plass på ein annan skole enn den eleven soknar til, kan ikkje setje til side retten andre elevar har til å gå på ein skole i nærmiljøet. Avgjerda til kommunen om plass på

ein skole utanfor skolekrinsen etter den kommunale forskrifta er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Kommunane må behandle desse søknadene etter dei alminnelege forvaltningsrettslege reglane, som mellom anna vernar mot usakleg forskjellsbehandling. Kommunen kan stille vilkår om eigenbetaling av skoleskyss ved eventuell innvilging av søknaden. Det er ikkje mogleg å stille vilkår om eigenbetaling av skoleskyss der som grunnen for å byte skole er å sikre retten til opplæring.

#### *Til § 2-7 Straffansvar for brot på opplæringsplikta*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 2-1 femte ledd og er omtalt i punkt 9.

Kva dagar eleven er forplikta til å møte på skolen, fastset kommunane i forskrift, jf. § 14-1 andre ledd. Foreldra kan ikkje straffast for fråvær frå skolen som er lovleg, til dømes når eleven har fått permisjon etter § 2-2 fjerde eller femte ledd.

Paragrafen omfattar både dei tilfella der foreldra aktivt held barna borte frå opplæringa, og der fråværet kjem av at foreldra er passive. Foreldra kan likevel ikkje straffast dersom årsaka til fråværet ikkje kjem av manglande aktivitet frå foreldra, men andre utanforliggjande forhold, til dømes sjukdom. Dersom det er tale om langvarig eller hyppig sjukdomsfråvær, kan kommunane påleggje foreldra å dokumentere fråværsårsaka. Foreldra kan heller ikkje straffast dersom foreldra har vore uvitande om fråværet og dette ikkje kan reknast som aktlaust.

Likestilt med foreldra er «andre som har dagleg omsorg for eit barn». Andre som har den daglege omsorga, kan til dømes vere fosterforeldre. Dersom foreldra til eleven ikkje bur saman, er det den av foreldra som har den daglege omsorga dei aktuelle skoledagane, som regelen først og fremst rettar seg mot.

Sjå elles Ot.prp. nr. 46 (1997–98), kapittel 7.1.1.

#### *Kapittel 3 Val av skriftspråk og særskilde språkrettar i grunnskoleopplæringa*

##### *Til § 3-1 Bokmål og nynorsk for elevane i grunnskolen*

Paragrafen erstattar delvis dagens lov § 2-5 og er omtalt i punkt 17.

*Første ledd første punktum* fastset at elevar i grunnskolen skal ha opplæring i både bokmål og nynorsk. Departementet fastset reglar i forskrift om omfanget av og innhaldet i opplæringa og på kva trinn opplæringa skal givast, jf. §§ 1-4 og 1-6. Departementet fastset også reglar i forskrift om

individuell vurdering og dokumentasjon av opplæringa, jf. § 2-3 andre ledd.

Forskriftsheimelen i *første ledd andre punktum* opnar for at departementet kan fastsetje i forskrift at elevar som får opplæring i eller på samisk, i kvensk eller finsk, i og på norsk teiknsspråk eller får særskild opplæring kan fritakast frå opplæring i eitt av dei norske skriftspråka.

Etter *andre ledd første punktum* skal elevane bruke det vedtekne hovudmålet frå 1. til og med 7. trinn. Kva hovudmål den enkelte skolen har, er fastsett i forskrift, jf. § 15-2 første ledd. Elevane skal bruke dette språket i det skriftlege arbeidet. Elevane vel sjølv hovudmål frå 8. trinn.

Det følgjer av *andre punktum* at det er foreldra til den enkelte eleven som vel om lærerimidlå skal vere på bokmål eller nynorsk, frå 1. til og med 7. trinn. *Tredje punktum* slår fast at eleven vel sjølv frå 8. trinn, og vidarefører retten til å velje lærerimiddel på ønskt skriftspråk, som tidlegare har følgt av forskrift til opplæringslova § 17-1.

Kva lærerimiddel som er omfatta av valfridommen, er regulert i § 15-3 første og tredje ledd, men likevel slik at elevane også kan velje om lærerimidlå i norsk skal vere på bokmål eller nynorsk.

*Tredje ledd første punktum* regulerer retten til å få opplæringa i ei særskild skriftspråkgruppe for elevar som ønsker eit anna skriftspråk som hovudmål enn kommunen har vedteke. Retten er utvida til også å gjelde elevar på 8. til 10. trinn. Det er eit vilkår for ein slik rett at minst ti elevar på same trinn i kommunen ønsker opplæring på eit anna skriftspråk enn det kommunen har gitt forskrift om etter § 15-2 første ledd første punktum.

Retten til opplæring i «særskild gruppe» betyr at desse elevane er i ein klasse der alle elevane har det same skriftspråket. Den særskilde inndelinga i klasse er eit unntak frå § 14-2. Formålet med retten er å gi elevar med eit anna skriftspråk enn fleirtalet opplæring i sitt eige skriftspråk. Regelen er ikkje til hinder for at elevane kan få mindre delar av opplæringa i ei anna gruppe, til dømes i enkeltfag eller ved ulike fellesarrangement ved skolen, så framt dette ikkje bryt med formålet med regelen.

Både den skriftlege opplæringa, elevane sine eigne skriftlege arbeid og den skriftlege kommunikasjonen med lærarane skal vere på hovudmålet til elevane i den særskilde gruppa. Dette gjeld også der elevane får mindre delar av opplæringa i ei anna gruppe.

Det er kommunen som har ansvaret for å oppfylle retten til å få opplæring i ei særskilt skriftspråkgruppe. Retten reknast som ein del av retten

til grunnskoleopplæring, og ansvaret til kommunen følgjer av § 28-1.

Det følgjer av *andre punktum* at opplæringa skal givast på den aktuelle skolen, jf. § 2-6, dersom det er minst ti elevar på same trinn og same skole som ønsker opplæring i det andre skriftspråket. I tilfelle der elevane i kommunen som ønsker slik opplæring, er spreidde på fleire skolar, følgjer det av *tredje punktum* at kommunen avgjer kva skole dei skal få opplæringa på. Denne avgjerdha byggjer på eit forvaltingsskjønn som tilsynsmakta og domstolane ikkje kan overprøve. I tilfelle der nokre av elevane sluttar med opplæring i særskild gruppe, vil retten gjelde så lenge det er minst seks elevar igjen i gruppa, jf. *siste punktum*.

*Fjerde ledd* gjeld elevar som må overførast til ein skole med eit anna skriftspråk enn dei har hatt på 1. til 4. trinn. Desse elevane har rett til skriftleg opplæring på det skriftspråket dei hadde som hovudmål, og til å få opplæring i faget norsk i ei særskild språkgruppe. Det er eit vilkår for retten at eleven har hatt eit anna skriftspråk dei fire første åra i grunnskolen. Retten gjeld til dømes der kommunen har skolar for 1. til 4. trinn, og når elevane på ein slik skole blir overførte til ein skole som har eit anna hovudmål. Både norskopplæringa, dei skriftlege arbeida til elevane og den skriftlege kommunikasjonen med skolen skal vere på det hovudmålet elevane hadde på den skolen dei vart overførte frå.

Regelen gjeld ikkje ved byte av skole som følge av at eleven flyttar til ein annan stad.

Det er kommunen som har ansvaret for å oppfylle retten til å få skriftleg opplæring på det skriftspråket dei hadde som hovudmål, og til å få opplæring i faget norsk i ei særskild språkgruppe. Retten reknast som ein del av retten til grunnskoleopplæring, og ansvaret til kommunen følgjer av § 28-1.

#### *Til § 3-2 Opplæring i og på samisk i grunnskolen*

Paragrafen erstattar dagens lov §§ 6-1 og 6-2 og er omtalt i punkt 30.

Paragrafen har ei grenseflate til § 1-5 andre og tredje ledd om at Sametinget skal gi forskrift om det samiske innhaldet i dei nasjonale læreplanane i fag og om læreplanar for opplæring i samiske språk og om læreplanar i særskilde samiske fag i den vidaregåande opplæringa.

*Første ledd* gjeld opplæring i samisk som første- eller andrespråk for samiske elevar. Samiske elevar har rett til opplæring i eitt av dei samiske språka som er lista i første punktum. Frå 1. til 7. trinn er det foreldra som avgjer kva for eit av dei

samiske språka eleven skal ha opplæring i. Frå 8. trinn avgjer eleven dette sjølv, jf. fjerde ledd. Ledet gjeld samiske elevar. Med samar meinast her dei som kan skrivast inn i Sametingets valmannatal jf. samelova § 2-6 første ledd, og barna deira. At ein «kan» skrivast inn i valmannatalet, betyr at det ikkje er eit krav at verken eleven eller foreldra faktisk er registrerte i Sametingets valmannatal. Det er nok at eleven tilfredsstiller kravet til å kunne bli registrert, eller at foreldra kan registrerast.

*Andre ledd* regulerer opplæring i og på samisk i forvaltningsområdet for samisk språk. Med opplæring i samisk er det meint opplæring i samisk som første- eller andrespråk. Med opplæring på samisk er det meint opplæring på samisk i andre fag. Kva kommunar som blir omfatta av forvaltningsområdet for samisk språk, er per i dag fastsett i forskrift om forvaltningsområdet for samisk språk, jf. samelova § 3 nr. 1. *Første punktum* slår fast at alle elevar i forvaltningsområdet for samisk språk har rett til opplæring i og på samisk. Plikta kommunen har til å tilby opplæring på samisk, gjeld for eitt av dei samiske språka, og det vil vere naturleg at opplæringa på samisk skjer på det samiske språket som tradisjonelt har vorte brukt i området. *Andre punktum* slår fast at kommunar i forvaltningsområdet kan gi forskrift om at alle elevar i grunnskolen skal ha grunnleggjande opplæring i samisk språk og samisk kultur. Det er ikkje tilgang til å påleggje opplæring i samisk som første- eller andrespråk, heller ikkje overfor samiske elevar. Frå 1. til 7. trinn er det foreldre som avgjer kva for eit av dei samiske språka eleven skal ha opplæring i og på. Frå 8. trinn avgjer eleven dette sjølv, jf. fjerde ledd.

*Tredje ledd* omfattar alle elevar utanfor forvaltningsområdet for samisk språk, ikkje berre samiske elevar. Desse har etter *første punktum* rett til opplæring i og på samisk dersom minst ti elevar i kommunen krev det. I tilfelle der nokre av elevane sluttar med slik opplæring, vil retten gjelde så lenge det er minst seks elevar igjen som framleis ønskjer opplæring i og på samisk, jf. *andre punktum*. Det er ikkje eit vilkår at elevane som krev opplæring i og på samisk, går på den same skolen eller på det same trinnet. Retten til opplæring i og på samisk gjeld eitt av språka nordsamisk, sørsamisk eller lulesamisk, sjå også *første ledd*.

Fram til åttande trinn er det foreldra til eleven som kan krevje opplæring i og på samisk. Frå og med åttande trinn er det eleven sjølv som tek avgjerda, jf. *fjerde ledd*. Dette gjeld ikkje for opplæringa i grunnleggjande samisk, som kommunane kan påleggje etter andre ledd andre punktum. Avgjerd om at ein elev skal ha opplæring i eller i

og på samisk etter første til tredje ledd er eit enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b. Enkeltvedtak om opplæring i eller i og på samisk kan pålagast. Reglane i § 29-1 gjeld for kven som er klageinstans. Elles gjeld reglane i forvaltningslova kapittel VI. Elevar på 8. til 10. trinn kan sjølve klage på enkeltvedtak om opplæring i eller i og på samisk.

*Femte ledd* gir kommunar både i og utanfor forvaltningsområdet for samisk språk rett til å velje kva skole i kommunen opplæringa på samisk skal givast på. Regelen opnar for at opplæringa på samisk leggjast til ein annan skole enn nærskolen til eleven. Regelen gjeld ikkje for dei elevane som berre får opplæring i samisk.

Etter *sjette ledd* skal kommunen tilby ein del av opplæringa i samisk i eit samiskspråkleg miljø dersom det er nødvendig for at opplæringa skal vere pedagogisk forsvarleg. Regelen tek i hovudsak sikte på tilfelle der opplæringa i samisk blir gitt som fjernundervisning, sjå § 14-4. Kommunane må gjere ei konkret vurdering av om opplæring i eit samiskspråkleg miljø er nødvendig for at opplæringa skal vere pedagogisk forsvarleg. Her må kommunen ta omsyn til at elevar har rettar og skoleeigar har plikter etter andre paragrafar i denne lova, jf. til dømes lovforslaget kapittel 11 som mellom anna gir rett til intensiv opplæring, og kapittel 12, som gir reglar om skolemiljøet. Det er det totale opplæringstilbodet til eleven som er avgjерande.

Tolkinga av «nødvendig» skal ikkje knytast til ytre rammer som til dømes kor mange andre som snakkar det samiske språket i området, økonomi og ressursar. Vurderinga skal vere knytt til om opplæringa i eit samiskspråkleg miljø er nødvendig for at elevar som får opplæringa i form av fjernundervisning, skal få ei pedagogisk forsvarleg opplæring og dermed kunne nå kompetanse-måla i læreplanen. Kor store delar av opplæringa i samisk det eventuelt er nødvendig å gi i eit samiskspråkleg miljø, må komme an på ei konkret vurdering av om den opplæringa eleven får, gir eleven eit grunnlag for å nå kompetanse-måla i læreplanen eller ikkje. Vurderinga av kva som er nødvendig for at opplæringa skal vere pedagogisk forsvarleg, er eit lov bunde skjønn som tilsynsmakta og domstolen kan prøve fullt ut. Samtidig må det konkrete innhaldet i kravet utleiaast på bakgrunn av pedagogiske og faglege vurderingar.

Eit «samiskspråkleg miljø» er ei fellesnemning på aktivitetar som språksamlingar, språkbad, hospitering, studiebesøk og utveksling. Kommunar kan konkret vurdere kva aktivitetar som lokalt blir omfatta av eit samiskspråkleg miljø.

Opplæringa kan givast i form av fjernundervisning, sjå § 14-4. Dette kan vere aktuelt i dei tilfella der det er krevjande å rekruttere kvalifiserte lærarar. Dagens moglekeit til å gi delar av opplæringa i samisk gjennom andre alternative opplæringsformer, som intensivopplæring og særlege leirskoleopphald, vil vere dekt av andre reglar i lova, mellom anna gjennom forslaget til § 14-2 om inndeling av elevane i klassar og grupper.

Det er kommunen som har ansvaret for å oppfylle retten til opplæring i og på samisk etter paragrafen. Retten reknast som ein del av retten til grunnskoleopplæring, og ansvaret til kommunen følgjer av § 28-1.

#### *Til § 3-3 Opplæring i kvensk eller finsk i grunnskolen*

Paragrafen vidarefører i hovudsak dagens lov § 2-7 og er omtalt i punkt 31.

Det følgjer av *første punktum* at alle elevar med kvensk/norskfinnisk bakgrunn ved grunnskolar i Troms og Finnmark kan krevje opplæring i kvensk eller finsk. Regelen stiller ikkje lengre krav om at det må vere andre elevar ved skolen som ønskjer opplæring i kvensk eller finsk, slik tidlegare regulering gjorde.

Fram til åttande trinn er det foreldra til eleven som kan krevje opplæring i kvensk eller finsk. Frå og med åttande trinn er det eleven sjølv som tek avgjerda, jf. *andre punktum*. Avgjerd om at ein elev skal ha opplæring i kvensk er eit enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b. Enkeltvedtak om opplæring i kvensk kan påkla-gast. Reglane i § 29-1 gjeld for kven som er klage-instans. Elles gjeld reglane i forvaltningslova kapittel VI. Elevar på 8. til 10. trinn kan sjølve klage på enkeltvedtak om opplæring i kvensk eller finsk.

Heimel for departementet til å gi forskrift om læreplan for fag og tid til opplæring, inkludert i kvensk og finsk, er gitt i §§ 1-4 og 1-6.

Opplæringa kan også givast i form av fjernundervisning, sjå § 14-4. Dette kan vere aktuelt i dei tilfella der det er krevjande å rekruttere kvalifiserte lærarar. Dagens moglekeit til å gi delar av opplæringa i kvensk eller finsk gjennom andre alternative opplæringsformer, som intensivopplæring og særlege leirskoleopphald, vil vere dekt av andre paragrafar i lova, mellom anna gjennom forslaget til § 14-2 om inndeling av elevane i klassar og grupper.

Det er kommunen som har ansvaret for å oppfylle retten til opplæring i kvensk etter paragrafen. Retten reknast som ein del av retten til grunnsko-

leopplæring, og ansvaret til kommunen følgjer av § 28-1.

#### *Til § 3-4 Opplæring i og på norsk teiknspråk i grunnskolen*

Paragrafen erstattar dagens lov § 2-6 og er omtalt i punkt 29.

*Første ledd første punktum* slår fast at det berre er elevar som har ei høyrselshemmning, som har rett til opplæring i eller i og på norsk teiknspråk etter paragrafen. At elevar har rett til opplæring både i og på teiknspråk, inneber ikkje at eleven pliktar å bruke begge rettane. Eleven kan velje mellom å få opplæring i faget norsk teiknspråk eller å nytte seg av begge rettane og få opplæring både i og på norsk teiknspråk.

Kva som er ei høyrselshemmning, er ei medisinfagleg vurdering. Det er likevel normalt sett ikkje nødvendig å innhente dokumentasjon. Det blir ikkje stilt krav til graden av høyrselshemmning, og i vurderinga bør det leggjast stor vekt på om foreldra eller eleven meiner at eleven er høyrselshemma. Det beste for eleven skal vere eit grunnleggjande omsyn, jf. §§ 10-1 og 10-2 første ledd.

Det kan likevel vere nødvendig å innhente ei sakkunnig vurdering for å leggje til rette og organisere undervisninga best mogleg i kraft av utgreiingsplikta til kommunen, jf. forvaltningslova § 17 første ledd første punktum.

Det finst grupper med høyrande elevar med kommunikasjons- eller språkutfordringar som kan ha behov for opplæring i og på teiknspråk. Eit døme er elevar med autismespekterdiagnose som blir meir språkleg aktive når kommunikasjonen er basert på ein visuell og gestuell modalitet. Elevar med kommunikasjons- og språkutfordringar som ikkje er høyrselshemma, kan ha rett til opplæring i og på teiknspråk eller alternativ og supplerande kommunikasjon med grunnlag i reglane om tilpassa opplæring og alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK), jf. §§ 11-1 og 11-12.

*Første ledd andre punktum* slår fast at det i utgangspunktet er foreldra til elevane som vel om elevane skal ha opplæring i og på norsk teiknspråk. *Første ledd tredje punktum* slår fast at det frå og med 8. trinn er eleven sjølv som tek avgjerda. Avgjerd om at ein elev skal ha opplæring i og på norsk teiknspråk er eit enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b. Enkeltvedtaket kan påkla-gast etter reglane i § 29-1 og reglane i forvaltningslova kapittel VI. Elevar på 8. til 10. trinn kan sjølve klage på enkeltvedtak om opplæring i og på norsk teiknspråk.

*Andre ledd* opnar for at kommunane kan legge opplæringa i og på norsk teiknspråk til ein annan skole enn den eleven går på til vanleg. Unntaket frå nærskoleprinsippet er meint å gagne elevane og gjere det mogleg for dei å vere del av større teiknspråkmiljø. Sjølv om kommunen har teiknspråklærarar på ein annan skole, har kommunen inga plikt til å flytte læraren der elevane er. Dersom ein elev får opplæring i norsk teiknspråk på ein annan skole, skal eleven få resten av opplæringa på den skolen eleven går på, etter § 2-6. Departementet viser elles til omtalen i punkt 29.5.4.

Deler av opplæringa i og på norsk teiknspråk kan også givast i form av fjernundervisning etter reglane i § 14-4.

Etter *tredje ledd* skal kommunen tilby ein del av opplæringa i teiknspråk i eit teiknspråkleg miljø dersom det er nødvendig for at opplæringa skal vere pedagogisk forsvarleg. Regelen siktar til dei tilfella der kommunen har vedteke å tilby ein del av opplæringa i eller på teiknspråk gjennom fjernundervisning. Kommunen må gjere ei konkret vurdering av om opplæring i eit teiknspråkleg miljø er nødvendig for at opplæringa skal vere pedagogisk forsvarleg. Elevar har rettar og skoleeigar har også plikter etter andre regler i denne lova som kan komme til bruk, jf. til dømes kapittel 11 som mellom anna gir rett til intensiv opplæring, og kapittel 12, som gir reglar om skolemiljøet. Det er det totale opplæringstilbodet til eleven som er avgjerande.

Tolkinga av omgrepene «nødvendig» skal ikkje knytast til ytre rammer som til dømes økonomi og ressursar. Vurderinga skal vere knytt til om opplæring i eit teiknspråkleg miljø er nødvendig for at elevar som får opplæringa i form av fjernundervisning, skal få ei pedagogisk forsvarleg opplæring og dermed kunne nå kompetansemåla i læreplanen. Kor store delar av opplæringa i norsk teiknspråk det eventuelt er nødvendig å gi i eit teiknspråkleg miljø, må komme an på ei konkret vurdering av om den opplæringa eleven får, gir eleven eit grunnlag for å nå kompetansemåla i læreplanen eller ikkje. Vurderinga av kva som er nødvendig for at opplæringa skal vere pedagogisk forsvarleg, er eit lovbane skjønn som tilsynsmakta og domstolen kan prøve fullt ut. Samtidig må det konkrete innhaldet i kravet utleiaast på bakgrunn av pedagogiske og faglege vurderingar.

Døme på «teiknspråkleg miljø» kan vere språksamlingar der både lærarane og elevane snakkar norsk teiknspråk utanom teiknspråktímane. Det blir også vist til § 3-2 sjette ledd som gir

tilsvarande regulering for opplæring i samisk i grunnskolen.

#### *Til § 3-5 Opplæring i punktskrift i grunnskolen*

Paragrafen vidarefører delar av dagens lov § 2-14 og er omtalt i punkt 32.

Vilkåret for å få rett til opplæring i punktskrift er at eleven er blind eller sterkt svaksynt. Om eleven er blind eller sterkt svaksynt, er ei medisinfagleg vurdering. Det er likevel normalt sett ikkje nødvendig å innhente dokumentasjon. Om eleven har behov for opplæring i punktskrift, må vurderast ut frå både medisinfagleg og skolefagleg kunnskap og erfaring. Moment kan vere synsgrad, prognose for endring i synsgrad, kva som vil vere mest funksjonelt for lesinga og skrivinga til eleven, og totalbelastninga i situasjonen til eleven. Dessutan har det betydning kva eleven og foreldra meiner, og det beste for eleven skal vere eit grunnleggjande omsyn, jf. § 10-1 og § 10-2.

Opplæringa skal vere «nødvendig». I dette ligg at elevar skal få tilstrekkeleg opplæring til at elevar kan nyttiggjere seg punktskrift og kommunisere godt. Vurderinga av kva som er nødvendig opplæring, er eit lovbane skjønn som tilsynsmakta og domstolen kan prøve fullt ut. Samtidig må det konkrete innhaldet i kravet utleiaast på bakgrunn av pedagogiske og faglege vurderingar.

Elevar med vedtak etter § 3-5 kan samtidig ha rett til opplæring i bruk av tekniske hjelpemiddel og opplæring i mobilitet etter § 11-5 eller ADL-trening (aktivitetar i dagleglivet) etter vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring etter § 11-6.

#### *Til § 3-6 Særskild språkopplæring i grunnskolen*

Paragrafen vidarefører delar av dagens lov § 2-8 og er omtalt i punkt 28.

*Første ledd første punktum* slår fast at elevar som har eit anna morsmål enn norsk og samisk, og som ikkje meistrar norsk godt nok til å følgje opplæringa i skolen, har rett til særskild språkopplæring. Særskild språkopplæring for minoritetsspråklege elevar i grunnskolen skal alltid omfatte forsterka opplæring i norsk, jf. *første ledd andre punktum*. Forsterka opplæring i norsk inneber ei tilrettelagd norskopplæring med eit andrespråksperspektiv. Den forsterka opplæringa i norsk kan gå føre seg i eiga gruppe eller som tilpassing innanfor det ordinære norskfaget. Forsterka opplæring i norsk kan givast anten etter læreplanen i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar eller i form av tilpassing innanfor den ordinære læreplanen i norsk.

Målet med regelen om særskild språkopplæring er å lære eleven så raskt som mogleg å bruke norsk som reiskapsspråk. Når eleven kan norsk godt nok til å følge den vanlege opplæringa, opphørar rettane etter regelen.

Dersom det trengst, vil elevar i tillegg ha rett til morsmålsopplæring, tospråkleg opplæring i fag eller begge delar i ein overgangsperiode, jf. *første ledd andre punktum*. Endringa av vilkåret til «om det trengst», fra «om nødvendig» i dagens lov, er berre språkleg. Morsmålsopplæringa og den tospråklege opplæringa i fag kjem i tillegg til forsterka opplæring i norsk. Morsmålsopplæring er opplæring i morsmålet til eleven, medan tospråkleg opplæring i fag er opplæring i fag på norsk og morsmålet til eleven eller eit anna språk eleven kan.

Kva som er å kunne norsk «godt nok», og om det «trengst» morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring i fag, vil vere skjønnsmessige vurderingar som i stor grad må basere seg på eit fagleg-pedagogisk kunnskapsgrunnlag. Særleg vil elevar med kort butid i Noreg og andre minoritetselevar med så svake ferdigheter i norsk at dei ikkje kan følgje den ordinære opplæringa, ofte ha behov for morsmålsopplæring, tospråkleg opplæring i fag eller begge delar i ein overgangsperiode. Vurderingane er eit lovbane skjønn som tilsynsmakta og domstolen kan prøve fullt ut.

Det følgjer av forvaltningslova § 17 første ledd at kommunen må greie ut saka og gjere dei nødvendige vurderingane før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring. I lys av dette er den særskilde plikta til å kartlegge ferdighetene til elevane i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring, ikkje foreslått vidareført.

Retten til morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring i fag varer fram til kommunen, på bakgrunn av ei fagleg-pedagogisk vurdering, reknar eleven for å ikkje lenger trenge slik opplæring. Eventuell vidare opplæring i morsmålet, etter at elevane er i stand til å følge opplæringa på skolen, er det foreldra som har ansvaret for.

For høyselshemma elevar som har eit utanlandske teiknspråk som morsmål, til dømes engelsk teiknspråk, vil retten til særskild språkopplæring innebere at dei har rett til opplæring i norsk teiknspråk til dei kan norsk teiknspråk godt nok. Dette føreset at dei nytta seg av retten til opplæring i og på norsk teiknspråk.

Dersom det ikkje finst eigna undervisningspersonale som kan undervise i morsmålsopplæring eller tospråkleg opplæring i fag, kan opplæringa givast på annan måte innanfor dei rammene som er gitt i lova. Morsmålsopplæring og tospråk-

leg opplæring i fag kan gjennomførast som fjernundervisning på visse vilkår, jf. § 14-4. Opplæringa kan også givast som intensiv opplæring, jf. § 11-3. Elevane kan organiserast i grupper innanfor rammene av § 14-2. Elevane kan også ha rett til individuelt tilrettelagd opplæring, jf. § 11-6. Elles skal opplæringa tilpassast evnene og føresetnadene til elevane, jf. § 11-1.

*Andre ledd* fastset at kommunen jamleg skal vurdere om elevar som får særskild språkopplæring, har opparbeidd seg tilstrekkelege ferdigheter i norsk til å følge den vanlege opplæringa. Vurderinga skal sikre at dei elevane som får særskild språkopplæring, får realisert overgangen til den vanlege opplæringa når ferdighetene tilseier det. Kor lang tid det skal gå mellom kvar vurdering, må avgjera konkret i kvart enkelt tilfelle.

*Tredje ledd* fastset at morsmålsopplæring kan leggjast til ein annan skole enn den skolen eleven går på. Forsterka opplæring i norsk og tospråkleg opplæring i fag skal givast på den skolen eleven går på.

Det er kommunen som har ansvaret for å oppfylle retten til særskilt språkopplæring etter paragrafen. Retten reknast som ein del av retten til grunnskoleopplæring, og ansvaret til kommunen følgjer av § 28-1.

#### *Til § 3-7 Innføringsopplæring for elevar i grunnskolen som har budd kort tid i Noreg*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 2-8 femte ledd og er omtalt i punkt 28.

*Første ledd første punktum* gjer det klart at kommunane kan organisere opplæringa for minoritets-språklege elevar som har budd kort tid i Noreg, og som har fått vedtak om særskild språkopplæring i eigne klassar, i eigne grupper eller på eigne skolar. Formålet med den særskilde organiseringa av opplæringa er å lære elevane norsk så raskt som mogleg. Kommunane har ikkje plikt til å gi innføringsopplæring, men kan sjølv vurdere å setje dette i gang. Elevane har derfor ikkje rett til å få opplæringa organisert i eigne klassar, i eigne grupper eller på eigne skolar.

Kommunen må sjølv vurdere om eleven har budd så «kort tid» i Noreg at han eller ho kan ha behov for innføringsopplæring. Kommunen må også vurdere om innføringsopplæring vil vere til det beste for eleven, jf. § 10-1. I denne vurderinga vil omsynet til integrering vere eit moment som vil vege tungt dersom eleven allereie har budd i Noreg ei tid. Det må komme fram av vedtaket at det er vurdert at innføringsopplæring er til det beste for eleven.

Formuleringsa «heile eller delar av opplæringa» gjeld både innføringsklassar, innføringsgrupper og innføringsskolar.

Ei avgjerd om at ein elev skal få innføringsopplæring, må fastsetjast i eit enkeltvedtak. Eleven har ikkje plikt til å få innføringsopplæring. Det er presisert i lova at eleven eller foreldra til eleven må samtykkje i at kommunen gjer vedtak om innføringsopplæring. Dersom eleven eller foreldra ikkje samtykkjer til at eleven skal få opplæringa i ein eigen klasse, i ei eiga gruppe eller på ein eigen skole, skal eleven få tilbod om særskild språkopplæring etter dei alminnelege reglane i § 3-6.

*Andre ledd første punktum* slår fast at eit vedtak om innføringsopplæring berre kan gjerast for eitt år om gongen. Kommunen må deretter gjennomføre ei ny vurdering og eventuelt gjere eit nytt enkeltvedtak. Innføringsopplæring kan vare i inn til to år, jf. *andre ledd første punktum*. Særleg elevar som har behov for alfabetisering, og elevar som kjem til Noreg seint i skoleløpet, kan ha nytte av å få opplæringa organisert i eigne klassar, i eigne grupper eller på eigne skolar. Ein elev kan framleis ha rett til særskild språkopplæring, jf. § 3-6, etter overgangen frå innføringsopplæring til ordinær klasse.

I den perioden eleven skal få innføringsopplæring, kan det gjerast unntak frå læreplanar i fag og fag- og timefordelinga, jf. *andre ledd andre punktum*. Unntak kan berre gjerast når det er nødvendig for å vareta behovet til eleven. Det må vurderast konkret for kvar enkelt elev om, og i så fall i kva omfang, det skal gjerast unntak frå læreplanar i fag eller fag- og timefordelinga. Elevane vil sannsynlegvis ha svært ulike opplæringsbehov, avhengig av den opplæringa dei har fått i heimlandet, og dei språklege utfordringane dei har.

#### Kapittel 4 Skyss, leksehjelp, skolefritidsordning, skoletur og overgang frå barnehage til skole

##### Til § 4-1 Rett til skyss til og frå skolen for elevar i grunnskolen

Paragrafen vidarefører dagens lov § 7-1 første og andre ledd og § 7-3 og er omtalt i punkt 37.

*Første ledd første og andre punktum* vidarefører retten til skyss på grunn av lang skoleveg. Avstanden mellom skolen og heimen skal målast frå inngangsdøra der eleven bur, til inngangsdøra på skolen. Dersom skolen har fleire inngangsdører, skal ein måle frå den døra som gir størst avstand, uavhengig av om eleven bruker denne døra. Oppmålinga skal gjennomførast langs alminneleg farbar veg. Elevane har vanlegvis ikkje rett til skyss frå døra heime, men frå ein oppsamlingsplass som

ligg i rimeleg gangavstand frå heimen. Kva som er rimeleg avstand, må avgjerast etter ei konkret vurdering, der ein mellom anna skal leggje vekt på trafikkforholda og alderen på eleven. Det kan ikkje krevjast at elevane går like langt som skyssgrensene, som er to kilometer for elevar på 1. trinn og fire kilometer for andre grunnskoleelevar. Sjølvे skyssstilboden må utgjere størstedelen av strekninga mellom heim og skole.

Retten til skyss når ein del av skolevegen er særleg farleg eller vanskeleg, etter *andre ledd*, gir rett til skyss når skolevegen er kortare enn fire kilometer for elevar på 2. til 10. trinn, og når skolevegen er kortare enn to kilometer for elevar på 1. trinn. «Særleg» står til både «farleg» og «vanskeleg». Den risikoen skoleelevar til vanleg blir utsett for når dei ferdast i trafikken, er ikkje tilstrekkeleg for å få rett til skyss etter regelen.

I vurderinga skal alle relevante omsyn kartleggjast, og det krevst både ei trafikkfagleg vurdering (farevurdering) og ei vurdering av føresetnadene til eleven. Relevante omsyn i farevurderinga kan vere fartsgrense, trafikkettleik, om det finst fortau eller gangveg, klimatiske forhold og ulykkesstatistikk. Dette må vurderast opp mot alderen, modnaden og dei andre føresetnadene eleven har for å ta seg forsvarleg fram i det aktuelle trafikkbiletet.

Tilstanden på skolevegen kan variere med årsidene. Til dømes kan høg fart kombinert med mørketid og glatte vintervegar medføre ekstraordinær fare for trafikkskadar. Det kan derfor vere aktuelt med rett til skyss delar av skoleåret. Kommunen kan velje å setje inn andre tiltak som fjernar dei ekstraordinære faremomenta, til dømes tilsyn eller reisefølgje forbi særleg trafikkfarlege delar av skolevegen, eventuelt trafikale tiltak. Dersom kommunen har sett i verk slike tiltak, kan det vere tilstrekkeleg til at eleven ikkje får rett til skyss.

Vurderinga av om skolevegen er særleg farleg eller vanskeleg, er ei skjønnsmessig vurdering. Skjønnet er eit lovbane skjønn som tilsynsmakta og domstolane kan prøve fullt ut.

*Tredje ledd* vidarefører regelen om retten til gratis båttransport. Vilkåret for å få rett til båttransport er at eleven «treng» slik transport, det vil seie at naturleg farbar veg til skolen inkluderer transport over vatn. Retten gjeld uavhengig av lengda på skolevegen. Når skolevegen er meir enn to eller fire kilometer, følgjer retten til gratis skyss av første ledd. For å få rett til skyss i tillegg til båttransport må elevane ha ein skoleveg som, inklusiv strekninga med båt, er lengre enn to eller fire kilometer.

For å få rett til skyss etter *fjerde ledd* er det ikkje tilstrekkeleg at eleven har nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom. Det eit vilkår at funksjonsnedsetjinga, skaden eller sjukdommen er årsaka til at eleven har behov for skyss. Rettane etter fjerde ledd gjeld både fysisk og psykisk funksjonsnedsetjing. Retten til skyss til og frå skolefritidsordninga for elevar med nedsett funksjonsevne gjeld ikkje i skoleferien, det vil seie sommarferien og andre feriar som kjem fram av skoleruta til kommunen.

*Femte ledd* presiserer at elevar som har fleire heimar, har rett til skyss til og frå heimane. Retten gjeld for elevar som bur fast og regelmessig i fleire heimar, og så framt dei ulike heimane oppfyller vilkåra for retten til skyss. Retten gjeld både når barnet har delt bustad, og når det ligg føre avtale eller rettsleg avgjerd om fast samværsordning. Retten gjeld også når butida til eleven på fast og regelmessig basis er delt mellom foreldreheim og fosterheimar/avlastingsheim eller besøksheim som er vedteken eller avtalt med barnevernet eller helse- og omsorgssektoren. Samvær og improviserte enkeltståande besøk gir ikkje rett til skyss.

Skyssstilboden som blir gitt elevar med rett til skyss, skal vere forsvarleg, jf. Ot. prp. nr. 46 (1997–98), merknad til § 13-4. Dette inneber mellom anna at skoleskyssen må organiserast slik at eleven får ei akseptabel reisetid. Det er den totale tida eleven bruker heimanfrå, til opplæringa startar, og frå opplæringa til eleven er slutt, til eleven er heime om ettermiddagen, som utgjer den samla reisetida. I vurderinga av kva som er akseptabel reisetid, må gangtid, ventetid, tid med transportmiddel og omsynet til effektiv og rasjonal organisering av skyssen sjåast i samanheng. Andre moment i denne vurderinga er om gangavstand til transportmiddelet er rimeleg, forhold ved den aktuelle reisestrekninga, transportbyte og krav til sjølve transporten. Momenta må sjåast opp mot alderen, funksjonsevna og dei andre føresetnadene eleven har. Dersom ein elev klagar over at vedtaket om skoleskyss ikkje gir eit forsvarleg tilbod, er det innhaldet i tilboden som må vurderast. Økonomiske omsyn kan ikkje her få så mykje vekt at retten mistar karakter av å vere ein rett.

Dersom foreldra er villige til det, kan fylkeskommunen eller kommunen overlate til foreldra å skyssse barna sjølve. Fordi skyss skal vere gratis, må den som er ansvarleg for skyssen etter § 28-7, dekkje dei nødvendige og faktiske kostnadene til foreldra. Foreldra kan ikkje krevje å få overta skyssen, og dei kan heller ikkje tvingast til ei slik ordning.

Dersom ein elev søker om å få gå på ein annan skole enn den eleven er tildelt, jf. § 2-6, kan kommunen stille vilkår om eigenbetaling av skoleskyss ved eventuell innvilging av søknaden. Det er ikkje mogleg å stille vilkår om eigenbetaling av skoleskyss dersom grunnen for å bytte skole er å sikre retten til opplæring.

Ansvaret for å oppfylle retten til skyss går fram av § 28-7.

Forvaltningsorganet som har ansvaret for å oppfylle retten til skyss, har ansvaret for å gjere enkeltvedtak i tråd med reglane i forvaltningslova.

#### *Til § 4-2 Reisefølgje for og tilsyn med elevar i grunnskolen*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 7-4 og er omtalt i punkt 37.

Elevar har rett til reisefølgje og tilsyn når dei får skyss etter § 4-1 dersom elevane «treng det». Om elevane treng reisefølgje og tilsyn, må vurderast for kvar enkelt elev. Det er særleg dei yngste elevane, til dømes på 1. trinn, og elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom som kan trenge reisefølgje og tilsyn. Kommunen skal i slike tilfelle sørge for nødvendig reisefølgje og også dekkje skysskostnader og andre utgifter knytte til reisefølgjet, jf. § 28-7.

Retten til tilsyn gjeld som hovudregel tilsyn medan eleven ventar på skoleområdet før og etter skoletid. Tilsyn i samband med at eleven byter skyssmiddel, kan i nokre tilfelle også vere omfatta av tilsynsplikta. Dette gjeld der byte av skyssmiddel er særleg farleg. Til dømes kan dei yngste elevane bli utsette for særleg farlege situasjoner på ein stor og travel bussshaldeplass der dei må bytte buss på veg til skolen.

#### *Til § 4-3 Krav om forsvarleg skyss og rett til losji der skyss ikkje er forsvarleg*

Paragrafen vidarefører dagens § 7-1 fjerde ledd og er omtalt i punkt 37.

*Første ledd* slår fast den øvre grensa for rett til skyss. Dersom dagleg skyss ikkje er forsvarleg, har ikkje eleven rett til skyss sjølv om resten av vilkåra er oppfylte. Det er fylkeskommunen som avgjer om dagleg skyss er forsvarleg.

*I andre ledd* er det gitt føringar for kva moment fylkeskommunen skal vurdere, og kor mykje vekt momenta har. Lista er ikkje uttømmande. Moment med særleg vekt er alder, funksjonsevne og kor lang og farleg eller vanskeleg skolevegen er. Kostnader og vanskar for fylkeskommunen kan berre takast med i vurderinga dersom dei er ekstraordi-

nære. Vurderinga av om dagleg skyss er forsvarleg, er ei skjønnsmessig vurdering. Skjønnet er eit lovbane skjønn som tilsynsmakta og domstolane kan prøve fullt ut.

*Tredje ledd* fastset at foreldra skal avgjere om eleven skal skyssast eller innlosjerast dersom fylkeskommunen er i tvil om dagleg skyss er forsvarleg.

Det følgjer av *fjerde ledd* at dersom eleven ikkje har rett til skyss fordi dagleg skyss ikkje er forsvarleg, skal kommunen gjere vedtak om losji for eleven. Retten til losji omfattar ikkje utgifter til kost. Regelen inneber både ein rett og ei plikt til å la seg innlosjere. Plikta er likevel ikkje absolutt, og kommunen kan ikkje vedta innlosjering mot foreldra sin vilje så framt foreldra sørger for og dekkjer kostnadane til skyss sjølve.

Tilsynsplikta etter *femte ledd* inneber at kommunen må sørge for det tilsynet som er nødvendig gitt alderen og føresetnadane elevane har til å greie seg sjølve.

#### Til § 4-4 Leksehjelp

Paragrafen vidarefører i hovudsak dagens lov § 13-7 a. Paragrafen er omtalt i punkt 38.3. Reglane om skolemiljø, forbod mot ansiktsdekkjande plagg og politiattest gjeld også for leksehjelpsordninga. Dette følgjer av §§ 12-1, 17-11 og 27-2.

Med «leksehjelp» etter *første punktum* er det meint både hjelpe til lekser i tradisjonell forstand og hjelpe til skolearbeid elles. Leksehjelp skal tilbydast uavhengig av om skolen gir elevane oppgåver som det er meinings at elevane skal gjere utanfor skoletida, altså lekser i tradisjonell forstand. Regelen har ikkje betydning for om lekser kan givast, og eventuelt kor mykje leksar som kan givast. Moglegheit til å gi lekser er regulert i § 10-6 andre ledd.

Plikta til å ha eit «tilbod» om leksehjelp inneber ikkje at alle elevar skal få tilbod om leksehjelp. Kommunen bestemmer korleis tilboden skal innrettast, på kva trinn leksehjelp skal tilbydast, og kor mange plassar det skal vere. At det skal vere eit «tilbod», inneber at det er frivillig for elevane å delta.

Departementet kan etter *andre punktum* gi nærmare reglar om leksehjelpa i forskrift.

#### Til § 4-5 Skolefritidsordning

Paragrafen vidarefører i hovudsak dagens lov § 13-7. Paragrafen er omtalt i punkt 38.2. Reglane om skolemiljø, forbod mot ansiktsdekkjande

plagg og politiattest og enkelte reglar om skyss gjeld også for skolefritidsordninga. Dette følgjer av §§ 12-1, 17-11 og 27-2.

Plikta i *første ledd første punktum* til å ha eit «tilbod» om skolefritidsordning inneber ikkje at alle elevar skal få tilbod om å delta på skolefritidsordning. Tilboden skal gjelde for barn på 1. til 4. trinn og for barn med særlege behov på 1. til 7. trinn, men kommunen er ikkje forplikta til å opprette eit bestemt tal plassar eller til å gi tilbod om skolefritidsordning ved meir enn éin av skolane i kommunen. Plikta gjeld eit skolefritidstilbod «før og etter skoletid». Kommunen er dermed ikkje forplikta til å gi tilbod om skolefritidsordning i feriane. At det skal vere eit tilbod, inneber også at det er frivillig for elevane å delta på skolefritidsordninga.

*Første ledd andre punktum* slår fast at kommunen kan ta betalt for skolefritidsordninga. Det inneber at kommunen kan ta betalt for kostnaden, men kan ikkje ha inntekter gjennom foreldrebetalinga som overstig dei totale kostnadene til kommunen for skolefritidsordninga. Det er ikkje eit forbod mot at foreldrebetalinga for kvar enkelt plass overstig kostnaden for den aktuelle plassen. Kommunen kan dermed ha ein ordinærpris som overstig gjennomsnittskostnaden for éin plass, for å kunne gi redusert pris til til dømes søsken eller familiar med låg inntekt. Korleis sjølvkost skal bereknast, er fastsett i kommunelova § 15-1. Vurderinga av om foreldra skal betale for skolefritidsordninga, er opp til kommunen og er ei skjønnsmessig vurdering. Dette er eit forvaltningskjønn som domstolane og tilsynsmakta ikkje kan overprøve.

*Andre ledd* beskriv innhaldet i skolefritidsordninga og kva skolefritidsordninga skal vere. Innanfor desse rammene bestemmer kommunen korleis tilboden skal innrettast. Innhaldet er nærmere omtalt i forskrift om rammeplan for skolefritidsordninga. Slik forskrift er heimla i sjette ledd.

*Tredje ledd* slår fast at rektor skal vere leiari for skolefritidsordninga dersom ordninga er tilknytt ein skole. Kommunen kan gjere unntak frå kravet, til dømes når kommunen nyttar private til å drive skolefritidsordninga.

*Fjerde ledd* inneber at kommunen kan delegera myndet til å gjere vedtak om og i skolefritidsordningar til private, og at private kan gi tilbod om skolefritidsordning på vegner av kommunen. Sjølv om kommunen nyttar private til å oppfylle plikta til å ha eit tilbod om skolefritidsordning, er det kommunen som har ansvaret for at reglene i opplæringslova blir oppfylte. Kravet om internkontroll i kommunelova § 25-1 inneber at kommunen må sikre og følgje med på at innbyggjarane får det dei

har krav på, anten kommunen utfører oppgåva sjølv eller gjennom private aktørar. Dette kan gjerast på ulike måtar. Det kan til dømes inngå visse rutinar for oppfølging av avtalen kommunen har med ein privat aktør. Uansett vil det måtte inngå i internkontrollen til kommunen, etter ordinær risikovurdering, å ha rutinar, prosedyrar og så vidare for å sikre kommunens kontroll med at innbyggjarane får det dei har krav på, sjølv om ein privat aktør utførar oppgåva.

*Femte ledd* pålegg kommunen å fastsetje forskrift med reglar for skolefritidsordninga om næraare oppgitte forhold. Forskrifta må fastsetjast i samsvar med reglane i forvaltningslova kapittel VII.

*Sjette ledd* gir departementet heimel til å gi forskrift om skolefritidsordninga. Dette inkluderer reglar om gratis skolefritidsordning og om moderasjonsordningar og om innhald og oppgåver for skolefritidsordninga.

#### *Til § 4-6 Skoletur med overnatting*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 13-7 b og er omtalt i punkt 36.

Plikta gjeld berre for offentlege grunnskolar. Private skolar godkjende etter privatskolelova og private grunnskolar godkjende etter § 22-1 har ikkje ei tilsvarande plikt.

Paragrafen pålegg kommunane ei plikt til å tilby leirskoleopphald eller ein annan skoletur med overnatting som del av grunnskoleopplæringa. Opphaldet skal ha ei lengd på minst tre overnattingar, og overnattingane må vere i samanheng. Skolane kan velje å tilby eit tradisjonelt leirskoleopphald eller ein annan skoletur med overnatting, som kan vere utanlandstur.

Kommunane si plikt gjeld for alle elevar i grunnskolen. Ein må ta omsyn til ulike behov i elevgruppa når ein planlegg turen. For å sikre at flest mogleg elevar blir med, bør turen planleggjast i god tid og i samarbeid med foreldre og elevar. Foreldre må få informasjon om kva ein slik tur inneber, og kva opplegget på turen skal vere. Ein bør til dømes gi informasjon om overnatting, transport, måltid og talet på vaksne som er til stades. Turen skal vere gratis, og skolen må leggje til rette for at elevar med særlege behov, til dømes funksjonsnedsetjingar, skal kunne delta.

Skoleturen skal vere ein del av grunnskoleopplæringa og må derfor vere i samsvar med læreplanverket. Dette inneber mellom anna at skolane må rette seg etter verdigrunnlaget i den generelle delen av læreplanen og kompetanse-måla som er fastsette i læreplanane for fag, og at

dei må oppfylle minstekrava i fag- og timefordelinga. Innanfor rammene av læreplanverket står skolane fritt til å planleggje skoleturen. Dette er i samsvar med korleis kommunane og skolane normalt skal organisere og gjennomføre opplærings-tilbodet sitt.

#### *Til § 4-7 Overgangen frå barnehagen til skolen*

Paragrafen vidarefører i hovudsak dagens lov § 13-5. Paragrafen er omtalt i punkt 23.5.1.

Kva som er ein trygg og god overgang frå barnehagen til skolen og skolefritidsordninga, er ei skjønnsmessig vurdering. Skjønnet er eit lov-bunde skjønn, samtidig som vurderinga må gjerast med grunnlag i fagleg-pedagogisk kunnskap og erfaring. Både barnehagefagleg og skolefagleg kunnskap og erfaring er relevante. Ein trygg og god overgang frå barnehage til skole og skolefritidsordning handlar mellom anna om at barn og foreldre opplever overgangen som føreseileg og veit kva dei kan forvente når barnet byrjar på skolen og skolefritidsordninga. Ein trygg og god overgang handlar også om at skolen er førebudd på kva erfaringar barna har med seg frå barnehagen. For å oppnå dette bør kommunen leggje til rette for ein god dialog som involverer foreldre og barnehage, skole og i skolefritidsordning. Barnehagen og skolen bør gi kvarandre gjensidig informasjon om verksemndene sine. Kvar enkelt skole-eigar må, i samarbeid med barnehageeigarane, finne tenlege løysingar for korleis barnehageeigarane konkret skal involverast og takast omsyn til i arbeidet med å sikre ein trygg og god overgang.

Sørgje for-plikta inneber at det er kommunen som har hovudansvaret for samarbeidet med barnehagane om overgangen. Det er opp til kommunen å vurdere på kva måte han vil sørge for overgangen, og om det skal utarbeidast ein plan for overgangen. Ein heilskapleg plan kan vere tenleg, men det sentrale er at kommunen etablerer og følgjer rutinar som sikrar ein trygg og god overgang. Plikta må sjåast i samanheng med kravet til internkontroll etter kommunelova § 25-1. Som ein del av internkontrollen skal kommunen ha nødvendige rutinar og prosedyrar for å sikre at kommunen varetok kravet til ein trygg og god overgang frå barnehagen. Det kan til dømes vere rutinar for korleis skolen og skolefritidsordninga skal få overført nødvendig informasjon om barnet frå barnehagen.

Plikta til å sikre ein trygg og god overgang gjeld på eit overordna nivå og inneber ikkje eit samarbeid med barnehagane om kvart enkelt barn. For barn med omfattande hjelpebehov er

det likevel nødvendig å planlegge og samarbeide om overgangen på individnivå. Kommunen må sørge for ein trygg og god overgang for alle barn, og det må takast særleg omsyn til korleis overgangen skal gjerast trygg for barn med særlege behov. Dette må gjerast i god tid før skolestart. Det kan til dømes vere behov for at skolen gjennomfører kompetanseheving av personalet, eller for at kommunen sikrar nødvendige personalressursar og spesialpedagogisk eller annan individuelt tilpassa kompetanse for å kunne vareta barn med behov for individuelt tilrettelagt opplæring og personleg assistanse, eller at kommunen sørger for fysisk tilrettelegging av skolen i forkant av skolestart. Planlegginga omkring enkeltbarn kan i nokre tilfelle involvere fleire aktørar. Nokre minoritetsspråklege barn vil ha behov for spesiell tilrettelegging når det gjeld språk. Samiske barn kan ha rett til opplæring i samisk, jf. § 3-2, og barn med kvensk/norskfinsk bakgrunn kan ha krav på opplæring i kvensk eller finsk, jf. § 3-3.

Informasjonsoverføring om det enkelte barnet føreset løyve frå foreldra. Kravet til løyve frå foreldra gjeld uavhengig av om informasjonen blir overført skriftleg eller munnleg. Foreldra må få innsyn i og innverknad over informasjonsutvekslinga mellom barnehagen og skolen. Sjå nærmere om krav til løyve frå foreldra ved deling av personopplysninger i barnehagelova § 2 a og Prop. 145 L (2020–2021) *Endringar i opplæringslova, barnehagelova, og friskolelova m.m. (behandling av personopplysningar, fjernundervisning o.a.)*.

Det er oppgåva om å sørge for at barna får ein trygg og god overgang, som gir rammene for kva opplysningar som kan behandlast, og i kva utstrekning. Det følgjer av § 25-1 første ledd at personopplysningar kan behandlast berre så langt det er nødvendig for den konkrete oppgåva eller plikta.

Plikta gjeld overgangen frå barnehagen til offentlege skolar og skolefritidsordningar som er oppretta etter opplæringslova, både offentlege og private. Plikta gjeld uavhengig av om barnet kjem frå ein privat eller ein offentleg barnehage.

Formålet med regelen er at alle barn skal få ein trygg og god skolestart. Plikta gjeld ved overgangen frå barnehage til skole, men kommunen bør også ta kontakt med foreldre til barn som ikkje går i barnehage, og leggje til rette for ein god skolestart også for desse barna. Sjå også plikta skolen etter § 10-3 har til å samarbeide med foreldra, som mellom anna omfattar samarbeid om skolestarten til barnet.

## Tredje del – vidaregåande opplæring

### Kapittel 5 Rett til vidaregåande opplæring

#### *Til § 5-1 Rett til vidaregåande opplæring*

Paragrafen vidarefører delar av dagens lov § 3-1 og er omtalt i punkt 40.2 og 40.6.

*Første ledd* fastset vilkåra for å ha rett til vidaregåande opplæring for ungdom.

Vilkåret i *første ledd første punktum* om «fullført grunnskolen eller tilsvarande opplæring» er ei vidareføring av dagens reglar. Nærare reglar om kva som skal til for å oppfylle kravet, kjem fram av forskrift, jf. forskriftsheimelen i siste ledd.

*Første ledd andre punktum* om rett til vidaregåande opplæring for personar med opplæring frå eit anna land som ikkje blir godkjend, er også ei vidareføring av dagens reglar og betyr at opplæringa ikkje gir generell studiekompetanse etter GSU-lista (generell studiekompetanse for utanlandske søkjarar) eller ikkje blir godkjend av norske styresmakter som sidestilt med norsk fag eller sveinebrev. Dersom opplæringa ikkje har vorte vurdert av norske styresmakter, skal ho i utgangspunktet reknast som ikkje godkjend.

*Første ledd tredje punktum* presiserer at retten til vidaregåande opplæring berre gjeld for dei som «truleg» skal vere i Noreg i meir enn tre månader i strekk. Regelen inneber at dei som er i Noreg på ferie eller andre korte opphold, ikkje får rett til vidaregåande opplæring. For dei aller fleste som søker om opphaldsløyve, vil det vere klart frå første dag at dei sannsynlegvis skal opphalde seg i Noreg i meir enn tre månader. Sjå også merknaden til § 2-1 andre ledd første punktum. Sjølv om ein har rett til vidaregåande opplæring, vil ein ikkje ha rett til å byrje i slik opplæring med ein gong. Søknadsfristar og reglar om inntak er avgjande for når ein kan nytte seg av retten til vidaregåande opplæring.

*Andre ledd første punktum* fastset at retten til vidaregåande opplæring gjeld fram til den enkelte har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse. Det er dermed inga tidsavgrensing, slik som i dagens lov § 3-1 første ledd. Med studiekompetanse siktar ein til dei som har, eller fyller vilkåra for å få, eit vitnemål som gir generell studiekompetanse. Med yrkeskompetanse er det meint for det første dei som har eit fag- eller sveinebrev, uavhengig av om dei også har fullført og bestått eit vidaregåande opplæringsløp etter læreplanverket som gir grunnlag for vitnemål. Dei som til dømes har fått fag- eller sveinebrev etter dagens reglar om praksiskandidatar, vil derfor også reknast for å ha oppnådd yrkeskompetanse. For det andre er det meint dei som har oppnådd yrkeskompetanse i

den vidaregåande opplæringa utan fag- eller sveinebrev. Dette vil typisk gjelde dei som går opplæringsløp i yrkesfaglege utdanningsprogram som i dag legg opp til tre år som elev, og ikkje to år som elev og to år i lærebedrift. Dei som har oppnådd ein sluttkompetanse på eit lågare nivå enn studie- eller yrkeskompetanse, til dømes dei som har oppnådd praksisbrev, vil ha retten til vidaregåande opplæring i behald fram til dei har oppnådd full studie- eller yrkeskompetanse.

Retten til vidaregåande opplæring for ungdom etter § 5-1 blir avgrensa mot retten til vidaregåande opplæring for vaksne. Det er derfor presisert i *andre ledd første punktum* at retten ikkje gjeld lenger enn ut det skoleåret som startar det året ein fyller 24 år. *Andre ledd andre punktum* slår deretter fast at dei som det året dei fyller 24 år, ikkje har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse, har rett til vidaregåande opplæring for vaksne etter reglane i § 18-3.

Personar i alderen 19 til 24 år som har rett til vidaregåande opplæring etter første ledd, kan velje mellom opplæring for ungdom eller for vaksne. Dette er presisert i *tredje ledd* og er ei naturleg følgje av § 18-3, som presiserer at rett til vidaregåande opplæring for vaksne gjeld frå det skoleåret som startar det året den enkelte fyller 19 år. Sjå også merknadene til § 18-3 om vidaregåande opplæring for vaksne.

*Fjerde ledd første punktum* slår fast at den som har rett til vidaregåande opplæring for ungdom etter første ledd første punktum, etter søknad i staden kan få vidaregåande opplæring for vaksne etter § 18-3. Vilkåret om særlege grunnar viser til at dei som har rett til opplæring for ungdom, som hovudregel skal gjennomføre opplæringa etter reglane som gjeld for slik organisering av opplæringa. Eit døme på særlege grunnar kan vere at søkeren er i arbeid og derfor har vanskeleg for å gjennomføre opplæring for ungdom. Eit sentralt moment i vurderinga av om det ligg føre særlege grunnar, er om søkeren har behov for eit meir tilpassa opplegg enn det som kan tilbydast innanfor opplæring for ungdom.

Det følgjer av *fjerde ledd andre punktum* at dei som ikkje får godkjent den utanlandske opplæringa si i Noreg, og derfor har rett til vidaregåande opplæring etter § 5-1 første ledd andre punktum, kan velje mellom vidaregåande opplæring for ungdom og vaksne. Fordelen med å velje opplæring for vaksne er at tilbodet kan byggje på realkompetansen til søkeren og lettare kan tilpassast arbeid og familieliv.

*Femte ledd* fastset hovudregelen om at den som har bestått eit fag, ikkje har rett til meir opp-

læring i faget. Ein har dermed ikkje rett til meir opplæring med sikte på til dømes å forbetre karakterane sine. Regelen inneheld unntak for dei tilfella der anna er regulert i forskrift, slik som dagens forskriftsreglar om at elevar som tek fag på vidaregåande nivå medan dei går på ungdomstrinnet, og elevar som gjer omval, kan velje om faget skal godkjennast, eller om dei vil ta faget på nytt.

*Sjette ledd* fastset hovudregelen om inntak til vidaregåande opplæring. Den vidaregåande opplæringa er delt inn i utdanningsprogram, som igjen er delt inn i programområde. For å få rett til inntak på eitt av tre utdanningsprogram er det ein føresetnad at ein har søkt på tre utdanningsprogram. Ein kan ikkje oppnå ein betre rett ved å berre søkje på eitt eller to utdanningsprogram. Retten gjeld også berre utdanningsprogram; ein har ikkje rett til inntak på ein bestemt skole eller éin av tre skolar. Plasseringa av elevane på dei ulike skolane kan regulerast av nasjonale og lokale forskrifter.

At ein har rett til vidaregåande trinn 2 og 3 (vg2 og vg3) som byggjer vidare på det førre trinnet, inneber at ein har rett til inntak på opplæring som gjer at ein kan oppnå studie- eller yrkeskompetanse. Tilbodsstrukturen i læreplanverket viser kva opplæringsløp som fører fram til studiekompetanse og yrkeskompetanse. Tilbodsstrukturen opnar for kryssløp innanfor nokre utdanningsprogram og programområde. Fylkeskommunen kan ikkje oppfylle plikta etter sjette ledd ved å berre tilby kryssløp dersom ungdommen ikkje har søkt om dette.

Som presisert i sjette ledd føreset retten til vg1, vg2 og vg3 at vilkåra for inntak til vidaregåande opplæring på dei ulike trinna er oppfylte. Vilkåret for inntak på vg1 er fastsett i første ledd, og det er gitt utfyllende reglar i forskrift. Vilkåra for inntak til vg2 og vg3 er fastsette i forskrift.

*Sjuande ledd* gir departementet heimel til å gi forskrift om kven som har rett til vidaregåande opplæring, det vil seie nærmere regulering av kven som blir rekna som å fylle krava om rett til vidaregåande opplæring i § 5-1 første ledd. Forskriftsheimelen presiserer også at departementet kan gi forskrift om inntak, inkludert om krav til søkerader, poengbereking og førerett. Det kan med heimel i forskriftsheimelen om inntak givast forskriftsreglar om inntak til vidaregåande opplæring, inkludert formidling til læreplass og inntak til påbygging etter § 5-7. Forskriftsheimelen gjer det også mogleg for departementet å kunne innføre overordna forskriftsreglar som bind fylkeskommunane til visse inntaksordningar.

*Til § 5-2 Studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram*

Paragrafen vidarefører delar av dagens lov § 3-3 og er omtalt i punkt 40.

*Første ledd* omtalar dei to hovudløpa innanfor vidaregåande opplæring. Med heimel i reglane i lovens kapittel 1 fastset departementet læreplanar i fag, fag- og timefordeling og tilbodsstrukturen i den vidaregåande opplæringa.

*Andre ledd* fastset kva som er opplæringsordninga og opplæringstida i utdanningsprogram som fører fram til studiekompetanse, men seier ikkje noko om kor lenge retten til opplæring varer. Leddet seier dermed noko om omfanget av opplæringa i dei studieførebuande utdanningsprogramma og kva som normalt er forventa tidsbruk på opplæringa. Dette utelukker ikkje at elevar kan få opplæringa over kortare eller lengre tid enn tre år. Dei som ikkje har bestått opplæringa innan tre år, vil framleis ha rett til opplæring fram til dei har oppnådd studiekompetanse, i tråd med § 5-1. Kva opplæringstilbod eleven kan velje mellom, vil avhenge av kva den aktuelle fylkeskommunen vel å tilby innanfor rammene i læreplanverket og regelverket elles.

*Tredje ledd* fastset kva som er normalordninga for yrkesfaglege utdanningsprogram. Læretida inkluderer verdiskaping i lærebedrifta. På same måten som for andre ledd seier ikkje opplysninga om tid i tredje ledd noko om kor lenge retten til opplæring varer.

Kva for nokre yrkesfaglege opplæringsløp som har læretid i bedrift, fastset departementet med heimel i § 1-6. Med «til vanleg» er det meint at yrkesfaglege utdanningsprogram kan ha fastsett eit anna opplæringsløp, til dømes tre år opplæring som elev. Også dette blir fastsett av departementet med heimel i § 1-6.

*Til § 5-3 Planlegginga og utbygginga av det vidaregåande opplæringstilbodet*

Paragrafen vidarefører delar av § 13-3 i dagens lov og er omtalt i punkt 40.9 og 42.8.

*Første ledd* slår fast at fylkeskommunen skal leggje stor vekt på behovet i samfunnet for kompetanse ved dimensjoneringa av det vidaregåande opplæringstilbodet. Dette utelukkar ikkje at fylkeskommunen også vektlegg andre omsyn når fylkeskommunen dimensjonerer tilbodet sitt. I vurderinga av behovet i samfunnet for kompetanse er det nærliggjande at fylkeskommunen først tek omsyn til og vurderer behovet regionalt.

Det er likevel naturleg at fylkeskommunen også tek omsyn til behovet utover regionen sin.

*Andre ledd* vidarefører dagens lov § 13-3 femte ledd andre punktum og pålegg fylkeskommunane å ha tilbod om praksisbrevopplæring. Fylkeskommunane vel sjølv kva utdanningsprogram dei skal gi tilbod om praksisbrev i, omfanget av tilboden og om dei skal gi tilbod om praksisbrev innanfor fleire lærefag. Praksisbrevkandidatar skal få bedriftsdelen av opplæringa i bedrift. Det betyr at det ikkje kan givast tilbod om praksisbrevopplæring dersom kandidatane ikkje kan formidlast til læretid i bedrift.

*Tredje ledd* vidarefører dagens lov § 13-3 fjerde ledd andre punktum og gir departementet heimel til å påleggje fylkeskommunane å drive vidaregåande opplæringstilbod med heile landet som innfallsområde.

*Til § 5-4 Innhold, vurdering og dokumentasjon i den vidaregåande opplæringa*

Paragrafen vidarefører delar av dagens lov § 3-4 og er omtalt i punkt 11, sjá særleg punkt 11.5.2 og 11.5.3.

Det følgjer av *første ledd* at den vidaregåande opplæringa skal vere i samsvar med måla og prinssippa for opplæringa, fag- og timefordelinga og tilbodsstrukturen. Det er vist til forskrift om overordna mål og prinssipp for opplæringa og forskrift om læreplanar i fag for å gjere tydeleg at det i all hovudsak er desse forskriftene som regulerer innhaldet i opplæringa. Det er også vist til forskrift om fag- og timefordelinga som regulerer omfanget av opplæringa. Elevar som byter skole, skal følgje fag- og timefordelinga ved den nye skolen. At opplæringa skal vere i samsvar med fag- og timefordelinga inneber ikkje at elever som har hatt fråvær for opplæringa har ein rett til å ta igjen dei aktuelle timane. Forskrift om overordna mål og prinssipp for opplæringa, læreplanane i fag og fag- og timefordelinga utgjer det som i dag blir kalla «Læreplanverket for Kunnskapsløftet». Tilbodsstrukturen er «kva for utdanningstilbod som fører fram til studiekompetanse eller yrkeskompetanse».

Opplæringa skal vere eigna til å nå dei måla og prinssippa som forskriftene fastset. Vurderinga av om opplæringa er i samsvar med læreplanar i fag eller læreplanverket samla sett, er ei skjønnsmessig vurdering. Skjønnet er eit lovbunde skjønn, samtidig som fleire av vurderingane må gjerast ut frå pedagogisk-fagleg kunnskap og erfaring.

Ei «individuell vurdering» etter *andre ledd første punktum* kan omfatte både undervegsvurderin-

gar og sluttvurderingar. Døme på sluttvurderingar kan vere standpunktakarakter, eksamen og fag- og sveineprøve. Det er fylkeskommunen som har ansvaret for å oppfylle retten til individuell vurdering og dokumentasjon, jf. § 28-2.

*Andre ledd andre punktum* fastslår at departementet skal fastsetje forskrift om kva for nokre individuelle vurderingar og kva slags dokumentasjon av opplæringa elevane har rett til etter andre ledd første punktum. Departementet skal også gi forskrift om vurdering for privatistar og praksiskandidatar, jf. §§ 23-1 og 23-2. Sjå også omtale av prøvenemnder osv. i punkt 42. Døme på dokumentasjon er vitnemål, fag- og sveinebrev og kompetansebevis, men regelen opnar også for at departementet fastset andre former for dokumentasjon.

Det er opna for at departementet fastset forskrift om både karakterar og andre vurderingsformer, inkludert forskrift om når det ikkje er grunnlag for å gi vurdering med karakter. Departementet kan også gi forskrift om fritak frå vurdering med karakter.

Departementet skal også fastsetje forskrift om klage på vurdering. Departementet kan gi forskrift om kven som er klageinstans for enkeltvedtak om individuell vurdering, sjå § 29-1 tredje ledd.

Departementet kan etter *andre ledd tredje punktum* gi forskrift om tap av retten til individuell vurdering med karakter når det ikkje er grunnlag for å gi slik vurdering eller som følgje av høgt fråvær.

*Tredje ledd* vidaresører at departementet kan gi forskrift om godskriving og godkjenning av tidlegare gjennomgått opplæring eller praksis innanfor både studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram.

#### *Til § 5-5 Rett til omval*

Paragrafen er ei delvis vidareføring av dagens lov § 3-1 fjerde ledd og er omtalt i punkt 40.4.

*Første punktum* slår fast at elevar og dei som har læretid i bedrift har rett til så mange omval dei ønsker fram til søknadsfristen for inntak det året dei fyller 19 år. Dette er ei utviding frå dagens lov, som avgrensar talet på omval til eitt. For at ikkje dei over 19 år skal ha ein dårlegare rett til omval enn i dag, er det i *andre punktum* presisert at dei som ikkje har nytta retten til omval før 19-årsfristen i første punktum, har rett til eitt omval.

Dei som ønsker å gjere omval, må gjere dette i samband med inntak. Ein har ikkje rett til omval midt i skoleåret.

#### *Til § 5-6 Rett til lærepllass eller anna tilbod i vidaregåande trinn 3*

Paragrafen er ei delvis vidareføring av dagens lov § 3-3 femte ledd, og er omtalt i punkt 42.3.

Paragrafen slår fast at dei som oppfyller vilkåra for læretid i bedrift, først og fremst har rett til lærepllass og skal formidlast til dette. Vilkåra for formidling til læretid er tema i § 7-7 og forskrifter med heimel i denne. Fylkeskommunen kan ikkje stille andre krav for å formidlast til lærepllass enn det som følgjer av forskrift.

Det kan vere tilfelle der det ikkje er tilstrekkeleg tilgang til læreplassar, og fylkeskommunen ikkje kan gi alle som søker, tilbod om plass. Dei som sjølv om dei oppfyller vilkåra for formidling, ikkje får tilbod om lærepllass, har rett til eit anna opplæringstilbod i vidaregåande trinn 3 som leier fram til fag- eller sveineprøve. Det er fylkeskommunane som har ansvar både for formidling til lærepllass og for å gi eit anna tilbod til dei som ikkje får lærepllass. *Tredje punktum* gir departementet heimel til å regulere opplæringstilbodet fylkeskommunen har til dei som ikkje får lærepllass, nærmare i forskrift.

#### *Til § 5-7 Påbygging til generell studiekompetanse*

Paragrafen er ei delvis vidareføring av dagens lov § 3-1 ellevte ledd og er omtalt i punkt 40.5.

*Første ledd første punktum* gir ein lovfesta rett til påbygging til generell studiekompetanse til den som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæringa. Det har ikkje noko å seie om ein har oppnådd sluttkompetansen etter reglane om opplæring for ungdom eller vaksne, men det er ein føresetnad at ein har gjennomført og bestått eit opplæringsløp i tråd med læreplanverket som dannar grunnlag for utferding av vitnemål. Dei som til dømes har fått fag- eller sveinebrev gjennom dagens praksiskandidatordning, vil derfor ikkje ha rett til påbygging. I motsetning til dagens reglar er det i første punktum inga tidsavgrensing for retten til påbygging. Dette er i tråd med § 5-1, der den tidlegare tidsavgrensinga på opplæring i tre år er oppheva.

Det følgjer av *første ledd andre og tredje punktum* at retten til påbygging ikkje gjeld lenger enn ut det skoleåret som startar det året ein fyller 24 år, men at dei som har passert denne aldersgrensa, kan få påbygging etter reglane om opplæring for vaksne. Vidare er det i *andre ledd* presisert at den enkelte kan velje å få slik opplæring for vaksne allereie frå det skoleåret som startar det året ein fyller 19 år. Desse aldersgrensene er i tråd

med dei generelle reglane for rett til vidaregåande opplæring, som kjem fram av § 5-1.

#### *Til § 5-8 Gratis vidaregående opplæring*

Paragrafen er ei vidareføring av dagens lov § 3-1 niande ledd og er omtalt i punkt 40.7.

*Første ledd første punktum* slår fast hovudregelen om at den vidaregåande opplæringa skal vere gratis. I *andre punktum* blir det opna for nokre unntak frå denne hovudregelen. Fylkeskommunen kan til dømes krevje at elevane dekkjer utgifte til kokkeknivar, enklare verneutstyr eller avanserte kalkulatorar. Det er derimot naturleg at det er fylkeskommunen som dekkjer meir kostbart verneutstyr, dersom slikt utstyr er nødvendig i opplæringa på grunn av helse og tryggleik. Det same vil normalt gjelde dersom det er tale om utstyr som elevane berre vil ha bruk for i ein liten del av opplæringa. Fylkeskommunen kan berre krevje at elevar og dei som har læretid i bedrift dekkjer utstyr som vanlegvis er nødvendig for opplæringa. Unntaket frå hovudregelen om at opplæringa skal vere gratis, opnar ikkje for at fylkeskommunen kan krevje at elevane betaler for relativt kostnadskrevjande utstyr.

I avgrensinga «som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha» ligg det at utstyr som varetok det særlege behovet til den enkelte eleven, fell utanfor og dermed alltid skal vere gratis. Det kan til dømes gjelde ekstrautstyr som eleven har rett til etter reglane om fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel.

Fylkeskommunen vel sjølv om han vil krevje at elevar og dei som har læretid i bedrift, dekkjer utgifter til individuelt utstyr som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha. Dette valet byggjer på eit forvaltingsskjønn som tilsynsmakta og domstolane ikkje kan overprøve. Spørsmålet om det gjeld individuelt utstyr som opplæringa «til vanleg gjer det nødvendig å ha», byggjer derimot på eit lovbunde skjønn.

Fylkeskommunen har ansvaret for å halde elevane med nødvendige trykte og digitale læremiddel og digitalt utstyr. Elevane kan ikkje påleggjast å dekkje slike utgifter med mindre det følgjer av forskrift, jf. *andre ledd*. Høvet departementet har til å gi slike forskrifter, må sjåast i lys av hovudregelen om at opplæringa som utgangspunkt skal vere gratis.

Ettersom vidaregåande opplæring skal vere gratis, kan ikkje fylkeskommunen krevje at elevane betaler for deltaking på aktivitetar og skolaturar som blir gjennomførte som ein del av opplæringa. Det er likevel mogleg å samle inn pengar til

slike turar og aktivitetar gjennom dugnad og anonym innsamling. Sjå også merknad til § 2-5 om gratis grunnskoleopplæring.

#### *Til § 5-9 Rett til vidaregåande opplæring for dei som ikkje har opphaldsløyve*

Paragrafen er ei delvis vidareføring av reglane i dagens lov § 3-1 tolte ledd og er omtalt i punkt 41.5.

*Første punktum* presiserer hovudregelen om at ein må ha lovleg opphald i landet for å få rett til vidaregåande opplæring. Dei som oppheld seg ulovleg i landet, vil følgjeleg ikkje ha rett til vidaregåande opplæring. Det er reglane i utlendingslova som avgjer om dei som søker om opphaldsløyve, kan opphalde seg lovleg i Noreg.

*Andre punktum* innskrenkar hovudregelen i første punktum. For dei som oppheld seg lovleg i landet i vente på å få avgjort ein søknad om opphaldsløyve, gjeld retten til vidaregåande opplæring ikkje lenger enn ut det skoleåret som byrjar det året ein fyller 18 år. Retten til vidaregåande opplæring for dei under 18 år som søker om opphaldsløyve i landet, medfører ikkje rett til å få opphaldsløyve og er ikkje til hinder for å effektuere vedtak om avslag på søknad om opphaldsløyve. Nordiske borgarar treng ikkje søkje opphaldsløyve i Noreg. Det same gjeld som hovudregel utlendingar som blir omfatta av EØS-avtalen og EFTA-konvensjonen. Det er reglane i utlendingslova som avgjer kven som treng opphaldsløyve for å opphalde seg i Noreg.

*Tredje punktum* avgrensar retten til vidaregåande opplæring for dei som får avslag på søknaden om opphaldsløyve. Desse har rett til opplæring fram til tidspunktet for vedtak om endeleg avslag på søknaden om opphaldsløyve. Endeleg vedtak vil normalt vere anten avslag frå klageinstansen (Utlendingsnemnda) eller avslag frå forsteinstansen (Utlendingsdirektoratet) som ikkje er klag på innan utløpet av klagefristen. Kva som er det endelege vedtaket, kjem fram av reglane i utlendingslova.

#### Kapittel 6 Val av skriftspråk og særskilde språkrettar i den vidaregåande opplæringa

##### *Til § 6-1 Bokmål og nynorsk for elevane i den vidaregåande opplæringa*

Paragrafen er ny og er omtalt i punkt 17.

*Første ledd første punktum* fastset at elevar i vidaregåande opplæring skal ha opplæring både i bokmål og nynorsk. Departementet fastset reglar i forskrift om omfanget av og innhaldet i opplæ-

ringa og på kva trinn opplæringa skal givast, jf. §§ 1-4 og 1-6. Departementet fastset også reglar i forskrift om individuell vurdering og dokumentasjon av opplæringa, jf. § 5-4 andre ledd.

Forskriftsheimelen i *første ledd andre punktum* opnar for at departementet kan fastsetje i forskrift at elevar som får opplæring i samisk, i og på norsk teiknsspråk eller får særskild språkopplæring, kan fritakast frå opplæring i eitt av dei norske skriftspråka.

*Andre ledd* inneber at elevane til dømes kan ha nynorsk som skriftspråk i dei skriftlege arbeida sine, sjølv om fylkeskommunen med heimel i § 15-2 første ledd har vedteke at hovudmålet ved skolen er bokmål.

Kva lærermiddel som er omfatta av valfridommen, er regulert i § 15-3 første og tredje ledd, men likevel slik at elevane også kan velje om lærermidla i norsk skal vere på bokmål eller nynorsk.

#### *Til § 6-2 Opplæring i samisk i den vidaregåande opplæringa*

Paragrafen erstattar dagens lov §§ 6-1 og 6-3, og er omtalt i punkt 30.

Paragrafen gjeld berre for elevar og ikkje for dei som har læretid i bedrift.

*Første ledd* gjeld berre for samiske elevar. Samiske elevar har rett til opplæring i eitt av dei samiske språka som er lista i regelen. Med samar meinast her dei som kan skrivast inn i Sametingets valmanntal jf. samelova § 2-6 første ledd, og barna deira. At ein «kan» skrivast inn i valmanntalet, betyr at det ikkje er eit krav at verken eleven eller foreldra faktisk er registrerte i Sametingets valmanntal. Det er nok at eleven tilfredsstiller kravet til å kunne bli registrert, eller at foreldra kan registrerast.

*Andre ledd* gjeld for alle elevar som har hatt samiskopplæring i grunnskolen. Det er ikkje stilt krav om kor lenge opplæringa har vart, eller om innhaldet i opplæringa i grunnskolen, til dømes om eleven har hatt samisk som første- eller andrespråk. Elevane har ikkje rett til å velje eit anna samisk språk i vidaregåande opplæring enn det samiske språket dei hadde opplæring i på grunnskolen.

Opplæringa kan givast i form av fjernundervisning, sjå § 14-4. Dette kan vere aktuelt i dei tilfella der det er krevjande å rekruttere kvalifiserte lærarar. Dagens moglegheit til å gi delar av opplæringa i samisk gjennom andre alternative opplæringsformer som intensivopplæring og særlege leirskoleopphold vil vere dekt av andre paragrafar

i lova, mellom anna gjennom § 14-2 om inndeling av elevane i klassar og grupper.

Etter *tredje ledd* skal fylkeskommunen tilby ein del av opplæringa i eit samiskspråkleg miljø der som det er nødvendig for at opplæringa skal vere pedagogisk forsvarleg. Regelen tek i hovudsak sikte på tilfelle der opplæringa i samisk blir gitt som fjernundervisning. Fylkeskommunen må gjere ei konkret vurdering av om opplæring i eit samiskspråkleg miljø er nødvendig for at opplæringa skal vere pedagogisk forsvarleg. Her må fylkeskommunen ta omsyn til at elevar har rettar og skoleeigar har plikter etter andre paragrafar i denne lova, jf. til dømes kapittel 11 som mellom anna gir rett til intensiv opplæring, og kapittel 12, som gir reglar om skolemiljøet. Det er det totale opplæringsstilbodet til eleven som er avgjerande.

Tolkinga av «nødvendig» skal ikkje knytast til ytre rammar som til dømes kor mange andre som snakkar det samiske språket i området, økonomi og ressursar. Vurderinga skal vere knytt til om opplæringa i eit samiskspråkleg miljø er nødvendig for at elevar som får opplæringa i form av fjernundervisning, skal få ei pedagogisk forsvarleg opplæring og dermed kunne nå kompetanse-måla i læreplanen. Kor store delar av opplæringa i samisk det eventuelt er nødvendig å gi i eit samiskspråkleg miljø, må komme an på ei konkret vurdering av om den opplæringa eleven får, gir eleven eit grunnlag for å nå kompetanse-måla i læreplanen eller ikkje. Vurderinga av kva som er nødvendig for at opplæringa skal vere pedagogisk forsvarleg, er eit lovbane skjønn som tilsynsmakta og domstolane kan prøve fullt ut. Samtidig må det konkrete innhaldet i kravet utleiaast på bakgrunn av pedagogiske og faglege vurderingar.

Eit «samiskspråkleg miljø» er ei fellesnemning på aktivitetar som språksamlingar, språkbad, hospitering, studiebesøk og utveksling. Fylkeskommunar kan konkret vurdere kva aktivitetar som lokalt blir omfatta av eit samiskspråkleg miljø.

Det er fylkeskommunen som har ansvaret for å oppfylle retten til opplæring i samisk etter paragrafen. Retten reknast som ein del av retten til vidaregåande opplæring, og ansvaret til fylkeskommunen følgjer av § 28-2.

#### *Til § 6-3 Opplæring i og på norsk teiknsspråk i den vidaregåande opplæringa*

Paragrafen erstattar dagens lov § 3-9 og er omtalt i punkt 29.

*Første ledd første punktum* slår fast at retten til å få vidaregåande opplæring i og på norsk teiknsspråk føreset at eleven sjølv har ei høyrselshem-

ming. Kva som er ei hørselshemming, er ei medisinfagleg vurdering. Det er likevel normalt sett ikkje nødvendig å innhente dokumentasjon. Det blir ikkje stilt krav til graden av hørselshemming, og i vurderinga bør det leggjast stor vekt på om foreldra eller eleven sjølv meiner at han eller ho er hørselshemma. Det beste for eleven skal vere eit grunnleggjande omsyn, jf. §§ 10-1 og 10-2 første ledd.

Det kan likevel vere nødvendig å innhente ei sakkunnig vurdering for å leggje til rette og organisere undervisninga best mogleg i kraft av utgreiingsplikta til kommunen, jf. forvaltningslova § 17 første ledd første punktum.

Elevar som oppfyller vilkåret, har rett til å velje mellom å få opplæring i og på norsk teiknsspråk på ein vidaregåande skole som har eit tilrettelagt tilbod for teiknsspråklege elevar, eller å få vidaregåande opplæring på norsk teiknsspråk ved hjelp av tolk ved ein ordinær vidaregåande skole.

Det finst grupper med høyrande elevar med kommunikasjons- eller språkutfordringar som kan ha behov for opplæring i og på teiknsspråk. Eit døme er elevar med autismespekterdiagnose som blir meir språkleg aktive når kommunikasjonen er basert på ein visuell og gestuell modalitet. Elevar med kommunikasjons- og språkutfordringar som ikkje er hørselshemma, kan ha rett til opplæring i og på teiknsspråk eller alternativ og supplerande kommunikasjon med grunnlag i reglane om tilpassa opplæring og alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK), jf. §§ 11-1 og 11-12.

*Første ledd andre punktum* slår fast at elevar med hørselshemming som vel å gå i ordinære vidaregåande skolar, og som nyttar tolk, også har rett til opplæring i norsk teiknsspråk. Denne regelen er ny.

*Andre ledd* vidarefører at retten til opplæring i og på norsk teiknsspråk på ein vidaregåande skole som har eit tilrettelagt tilbod for teiknsspråklege elevar er avgrensa til dei utdanningsprogramma som blir tilbydde på skolar med tilrettelagde tilbod for teiknsspråklege elevar. Delar av denne opplæringa kan likevel gjennomførast med tolk.

#### *Til § 6-4 Opplæring i punktskrift i den vidaregåande opplæringa*

Paragrafen vidarefører delar av dagens lov § 3-10 og er omtalt i punkt 32.

Vilkåret for å få rett til opplæring i punktskrift er at eleven er blind eller sterkt svaksynt. Om eleven er blind eller sterkt svaksynt, er ei medisinfagleg vurdering. Det er likevel normalt sett ikkje nødvendig å innhente dokumentasjon. Om eleven

har behov for opplæring i punktskrift, må vurderast ut frå både medisinfagleg og skolefagleg kunnskap og erfaring. Moment kan vere synsgrad, prognose for endring i synsgrad, kva som vil vere mest funksjonelt for lesinga og skrivinga til eleven, og totalbelastninga i situasjonen til eleven. Dessutan har det betydning kva eleven sjølv meiner, og det beste for eleven skal vere eit grunnleggjande omsyn, jf. §§ 10-1 og 10-2.

Opplæringa skal vere «nødvendig». I dette ligg at elevar skal få tilstrekkeleg opplæring til at elevar kan nyttiggjere seg punktskrift og kommunisere godt. Vurderinga av kva som er nødvendig for at opplæringa skal vere trygg og pedagogisk forsvarleg, er eit lovbunde skjønn som tilsynsmakta og domstolane kan prøve fullt ut. Samtidig må det konkrete innhaldet i kravet uteiaast på bakgrunn av pedagogiske og faglege vurderingar.

Elevar med vedtak etter § 6-4 kan samtidig ha rett til opplæring i bruk av tekniske hjelpemiddel og opplæring i mobilitet etter § 11-5 eller ADL-trening (aktivitetar i daglelivet) etter vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring etter § 11-6.

#### *Til § 6-5 Særskild språkopplæring i den vidaregåande opplæringa*

Paragrafen vidarefører delar av dagens lov § 3-12 og er omtalt i punkt 28.

*Første ledd første punktum* slår fast at elevar som har eit anna morsmål enn norsk og samisk, og som ikkje meistrar norsk godt nok til å følgje opplæringa i skolen, har rett til særskild språkopplæring. Særskild språkopplæring for minoritetsspråklege elevar i vidaregåande opplæring skal alltid omfatte forsterka opplæring i norsk, jf. *første ledd andre punktum*. Forsterka opplæring i norsk inneber ei tilrettelagd norskopplæring med eit andrespråksperspektiv. Den forsterka opplæringa i norsk kan gå føre seg i eiga gruppe eller som tilpassing innanfor det ordinære norskfaget. Forsterka opplæring i norsk kan givast anten etter læreplanen i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar eller i form av tilpassing innanfor den ordinære læreplanen i norsk. Retten til forsterka opplæring i norsk gjeld også på årstrinn der eleven ikkje har opplæring i faget norsk.

Målet med regelen om særskild språkopplæring er å lære eleven så raskt som mogleg å bruke norsk som reiskapsspråk. Når eleven kan norsk godt nok til å følgje den vanlege opplæringa, opphørar rettane etter regelen.

Dersom det trengst, vil elevar i tillegg ha rett til morsmålsopplæring, tospråkleg opplæring i fag eller begge delar i ein overgangsperiode, jf. *første*

*ledd andre punktum.* Endringa av vilkåret til «om det trengst», fra «om nødvendig» i dagens lov, er berre språkleg. Morsmålsopplæringa og den tospråklege opplæringa i fag kjem i tillegg til forsterka opplæring i norsk. Morsmålsopplæring er opplæring i morsmålet til eleven, medan tospråkleg opplæring i fag er opplæring i fag på norsk og morsmålet til eleven eller eit anna språk eleven kan.

Kva som er å kunne norsk «godt nok», og om det «trengst» morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring i fag, vil vere skjønnsmessige vurderingar som i stor grad må basere seg på eit fagleg-pedagogisk kunnskapsgrunnlag. Særleg vil elevar med kort butid i Noreg og andre minoritetselevar med så svake ferdigheter i norsk at dei ikkje kan følgje den ordinære opplæringa, ofte ha behov for morsmålsopplæring, tospråkleg opplæring i fag eller begge delar i ein overgangsperiode. Vurderingane er eit lovbunde skjønn som tilsynsmakta og domstolen kan prøve fullt ut.

Det følgjer av forvaltningslova § 17 første ledd at kommunen må greie ut saka og gjere dei nødvendige vurderingane før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring. I lys av dette er den særskilde plikta til å kartleggje ferdighetene til elevane i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring, ikkje foreslått vidareført.

Retten til morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring i fag varer fram til fylkeskommunen, på bakgrunn av ei fagleg-pedagogisk vurdering, reknar eleven for å ikkje lenger trenge slik opplæring.

For hørselshemma elevar som har eit utanlandske teiknspråk som morsmål, til dømes engelsk teiknspråk, vil retten til særskild språkopplæring innebere at dei har rett til opplæring i norsk teiknspråk til dei kan norsk teiknspråk godt nok. Dette føreset at dei nyttar seg av retten til opplæring i og på norsk teiknspråk.

Dersom det ikkje finst eigna undervisningspersonale som kan undervise i morsmålsopplæring eller tospråkleg opplæring i fag, kan opplæringa givast på annan måte innanfor dei rammene som er gitt i lova. Morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring i fag kan gjennomførast som fjernundervisning på visse vilkår, jf. § 14-4. Elevane kan organiserast i grupper innanfor rammene av § 14-2. Elevane kan også ha rett til individuelt tilrettelagd opplæring, jf. § 11-6. Elles skal opplæringa tilpassast evnene og føresetnadene til eleven, jf. § 11-1.

*Andre ledd* fastset at fylkeskommunen jamleg skal vurdere om elevar som får særskild språkopplæring, har opparbeidd seg tilstrekkelege ferdigheter i norsk til å følgje den vanlege opplæringa. Vurderinga skal sikre at dei elevane som får særskild språkopplæring, får realisert overgangen til den vanlege opplæringa når ferdighetene tilseier det. Kor lang tid det skal gå mellom kvar vurdering, må avgjerast konkret i kvart enkelt tilfelle.

*Tredje ledd* fastset at morsmålsopplæring kan leggjast til ein annan skole enn den skolen eleven går på. Forsterka opplæring i norsk og tospråkleg opplæring i fag skal givast på den skolen eleven går på.

Det er fylkeskommunen som har ansvaret for å oppfylle retten til særskilt språkopplæring etter paragrafen. Retten reknast som ein del av retten til vidaregåande opplæring, og ansvaret til fylkeskommunen følgjer av § 28-2.

#### *Til § 6-6 Innføringsopplæring for elevar i den vidaregåande opplæringa som har budd kort tid i Noreg*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 2-8 femte ledd og er omtalt i punkt 28.

*Første ledd første punktum* gjer det klart at fylkeskommunane kan organisere opplæringa for minoritetsspråklege elevar som har budd kort tid i Noreg, og som har fått vedtak om særskild språkopplæring, i eigne klassar, i eigne grupper eller på eigne skolar. Formålet med den særskilde organiseringa av opplæringa er å lære elevane norsk så raskt som mogleg. Fylkeskommunane har ikkje plikt til å gi innføringsopplæring, men kan sjølv vurdere å setje dette i gang. Elevane har derfor ikkje rett til å få opplæringa organisert i eigne klassar, i eigne grupper eller på eigne skolar.

Fylkeskommunen må sjølv vurdere om eleven har budd så «kort tid» i Noreg at han eller ho kan ha behov for innføringsopplæring. Fylkeskommunen må også vurdere om innføringsopplæring vil vere til det beste for eleven, jf. § 10-1. I denne vurderinga vil omsynet til integrering vere eit moment som vil vege tungt dersom eleven allereie har budd i Noreg ei tid. Det må komme fram av vedtaket at det er vurdert at innføringsopplæring er til det beste for eleven.

Formuleringsa «heile eller delar av opplæringa» gjeld både innføringsklassar, innføringsgrupper og innføringsskolar.

Ei avgjerd om at ein elev skal få innføringsopplæring, må fastsetjast i eit enkeltvedtak. Eleven har ikkje plikt til å få innføringsopplæring. Det er presisert i lova at eleven må samtykkje i at fylkeskommunen gjer vedtak om innføringsopplæring. Dersom eleven ikkje samtykkjer til å få opplæ-

ringa i ein eigen klasse, i ei eiga gruppe eller på ein eigen skole, skal eleven få tilbod om særskild språkopplæring etter dei alminnelege reglane i § 6-5.

*Andre ledd første punktum* slår fast at eit vedtak om innføringsopplæring berre kan gjerast for eitt år om gongen. Fylkeskommunen må deretter gjennomføre ei ny vurdering og eventuelt gjere eit nytt enkeltvedtak. Innføringsopplæring kan vare i inntil to år, jf. *andre ledd første punktum*. Særleg elevar som har behov for alfabetisering, og elevar som kjem til Noreg seint i skoleløpet, kan ha nytte av å få opplæringa organisert i eigne klassar, i eigne grupper eller på eigne skolar. Ein elev kan framleis ha rett til særskild språkopplæring, jf. § 6-5, etter overgangen frå innføringsopplæring til ordinær klasse.

I den perioden eleven skal få innføringsopplæring, kan det gjerast unntak frå læreplanar i fag og fag- og timefordelinga, jf. *andre ledd andre punktum*. Unntak kan berre gjerast når det er nødvendig for å vareta behovet til eleven. Det må vurderast konkret for kvar enkelt elev om, og i så fall i kva omfang, det skal gjerast unntak frå læreplanar i fag eller fag- og timefordelinga. Elevane vil sannsynlegvis ha svært ulike opplæringsbehov, avhengig av den opplæringa dei har fått i heimlandet, og dei språklege utfordringane dei har.

## Kapittel 7 Opplæring i bedrift

*Til § 7-1 Verkeområdet for kapittelet, og kven som er lærling, praksisbrevkandidat, lærekandidat og kandidat for fagbrev på jobb*

Paragrafen er delvis ny og delvis ei erstatning av dagens lov § 4-1 andre ledd og er omtalt i punkt 42, særleg 42.2.

*Første ledd* slår fast at reglane i kapittelet gjeld for opplæring i bedrift. Reglane gjeld berre for dei som har inngått kontrakt om opplæring, og gjeld derfor ikkje elevar som er utplasserte i bedrift, til dømes gjennom faget yrkesfagleg fordjuping.

*Andre ledd* er nytt. Regelen innfører ei fellesnemning for dei fire ulike kandidattypene som har lærerid i bedrift. Dei nærmare krava til dei ulike kandidattypene og måten dei ulike opplæringsløpa skal vere innretta på, blir regulert i forskrift med heimel i § 7-1 siste ledd.

*Tredje ledd* er ei delvis vidareføring av dagens lov § 4-1 andre ledd. Regelen klargjer at det er kven som har ansvaret for opplæringa, og ikkje kvar opplæringa finn stad, som er bestemmande for kva reglar som gjeld. Det betyr at reglane for elevar gjeld dersom fylkeskommunen har ansvaret for delar av opplæringa som blir gitt til ein lær-

ling, uavhengig av om opplæringa blir gitt på skolen, i lærebedrifta eller ein annan arena som verkestad eller prøvestasjon.

*Fjerde ledd* definerer kven som er lærlingar, praksisbrevkandidatar, lærekandidatar og kandidatar for fagbrev på jobb.

Etter *femte ledd* kan departementet gi forskrift om dei ulike opplæringsordningane innanfor yrkesfaglege utdanningsprogram.

### *Til § 7-2 Inngåing og endring av kontrakt om opplæring*

Paragrafen erstattar dagens lov § 4-5 og § 3-3 fjerde ledd og er omtalt i punkt 42, særleg 42.9.

*Første ledd første punktum* slår fast at det skal inngåast skriftleg kontrakt om opplæring mellom lærebedrifta og den som skal ha lærerid i bedrift. Sjølv om det er fleire bedrifter som samarbeider om opplæringa, skal det berre skal inngåast éin kontrakt om lærerid.

*Andre og tredje punktum* oppgir minstekrav til kva kontrakten om opplæring skal innehalde. Det skal stå i kontrakten om den som har lærerid, skal gå opp til fag- eller sveineprøve eller annan avsluttande prøve ved slutten av læreforholdet. Dersom den som har lærerid, ikkje skal følgje læreplanane til faget fullt ut, skal det også gå fram av kontrakten kva kompetanse mål som skal gjelde for læretida. Dersom fylkeskommunen skal ha ansvaret for delar av opplæringa, eller dersom det er fleire bedrifter som samarbeider om opplæringa, skal det gå fram av kontrakten kven som har ansvaret for kva. Fylkeskommunen har ansvaret for opplæringa i mål som eventuelt ikkje inngår i kontrakten om lærerid.

Det følgjer av *andre ledd* at kontrakten om opplæring må godkjennast av fylkeskommunen for å vere gyldig. I «skal» ligg det også ei plikt for fylkeskommunen til å godkjenne kontraktar som oppfyller kravet i lova. I tillegg til krava som følgjer av *tredje ledd* i paragrafen, må kontrakten vere inngått med ei godkjend lærebedrift og elles samsvare med eventuelle reglar gitt i forskrift med heimel i siste ledd. Paragrafen omfattar alle typar endringar i kontrakten om opplæring. Dersom partane er samde om å seie opp kontrakten, kan kontrakten seiast opp utan samtykke frå fylkeskommunen, jf. § 7-3 første ledd.

*Tredje ledd* seier at læreforholdet skal reknast for å vere starta opp sjølv om fylkeskommunen ikkje har godkjent kontrakten, føresett at det er søkt om godkjenning. Læreforholdet blir ikkje rekna for å vere påbyrja så lenge det ikkje er inngått kontrakt etter første ledd.

*Fjerde ledd* fører vidare dagens reglar i § 3-3 fjerde ledd første punktum og opnar for at fylkeskommunen kan godkjenne kontraktar som ikkje følgjer det fastsette opplæringsløpet, jf. blant anna § 5-2 tredje ledd og forskrifter som er fastsett med heimel i § 1-6. Fylkeskommunen kan til dømes godkjenne kontraktar om opplæring som kombinerer opplæring som elev og opplæring i bedrift, og kontraktar der fylkeskommunen eller bedrifta tek på seg eit større ansvar for opplæringa enn det som følgjer av læreplanverket. Dersom målet er fag- eller sveineprøve ved utløpet av kontrakten, må organiseringa av opplæringa vere eigna til å nå dette målet.

*Femte ledd* gir departementet heimel til å gi forskrift om forma på og innhaldet i kontrakten, til dømes kan det fastsetjast standardformular. Departementet kan også gi forskriftsreglar om endringar i kontrakten. Til dømes kan det givast nærmere reglar om avbrot i kontrakten om opplæring, til dømes grunna permisjon.

#### *Til § 7-3 Heving og oppseiing av kontrakt om opplæring*

Paragrafen erstattar dagens lov § 4-6 og er omtalt i punkt 42.9.

*Første ledd* slår fast at lærebedrifta og den som har lærerid, kan bli samde om å seie opp kontrakten om lærerid. Regelen må sjåast i samanheng med § 7-4. Normalt vil det gjelde reglar om oppseiingsfrist for arbeidsforholdet. Fylkeskommunen skal informerast før ein kontrakt om lærerid blir sagt opp. Fylkeskommunen har inga godkjenningsrolle og kan ikkje nekte partane å seie opp kontrakten.

*Andre ledd* første punktum opnar for at kontrakten om opplæring kan hevast etter ønske frå den som har lærerid. Det blir ikkje stilt krav om ei grunngiving frå den som får opplæring. Fylkeskommunen skal gjere enkeltvedtak om heving. Kontrakten om opplæring kan også hevast dersom det ligg vesentlege brot føre på vilkåra i arbeidsavtalen frå den som har lærerid, eller lærebedrifta. Regelen stiller ikkje opp eit skuldkrav, men må sjåast i samanheng med § 7-4. Særleg relevant i denne samanhengen er reglane i arbeidsmiljølova om oppseiing. Kontrakten om opplæring kan også hevast dersom ein av partane ikkje er i stand til å halde fram ut kontraktstida. Dette kan til dømes gjelde dersom lærebedrifta går konkurs eller drifta av andre årsaker blir lagd ned. Vurderinga av om det ligg føre «vesentlege brot på pliktene», byggjer på eit lovbunde skjønn

som tilsynsmakta og domstolane kan overprøve fullt ut.

*Tredje ledd* er ei delvis vidareføring av § 4-6 femte ledd i dagens lov. Regelen er ein særregel som inneber at det blir gjort unntak frå saksbehandlingsreglane i forvaltningslova. Den som har lærerid i bedrift, har rett til å gi munnleg forklaring til fylkeskommunen før det blir gjort vedtak dersom lærebedrifta har bede om heving etter andre ledd.

*Fjerde ledd* pålegg lærebedrifta ei plikt til å skrive ut ein attest for læreforholdet. Plikta gjeld uavhengig av årsaka til at læreforholdet vart avslutta. Attesten skal omfatte den gjennomførte delen av kontraktstida og attestere den gjennomførte delen av opplæringa.

#### *Til § 7-4 Kva rettar og plikter dei med lærerid i bedrift har som arbeidstakrar. Forholdet til arbeidsmiljøloven*

Paragrafen erstattar dagens lov §§ 4-2 og 4-5 tredje ledd og er omtalt i punkt 42, særleg 42.9.

*Første ledd* slår fast at dei som har lærerid i bedrift er omfatta av reglane i arbeidsmiljølova, yrkesskadeforsikringslova og andre lover som gir reglar om arbeidstakrar. Også rettar og plikter som er fastsette i forskrift med heimel i relevante lover, gjeld for dei som har lærerid i bedrift.

*Andre ledd første punktum* må sjåast i samanheng med første ledd. Det følger av arbeidsmiljølova § 14-5 at det skal inngåast arbeidsavtale i alle arbeidsforhold, og at slik avtale skal ligge føre seinast ein månad etter at arbeidsforholdet starta.

*Tredje ledd* er delvis ny. Regelen slår fast at reglane i arbeidsmiljølova om prøvetid gjeld for dei som har inngått ein kontrakt om opplæring som føreset at all programfagopplæringa blir gitt i bedrift.

*Fjerde ledd* presiserer at arbeidsforholdet og læreforholdet blir avslutta samtidig, uavhengig av årsaka til at arbeidsforholdet vart avslutta.

*Femte ledd* regulerer tilfelle der det er inngått ein ordinær arbeidsavtale mellom den som har lærerid og lærebedrifta, som ikkje gjeld læreforholdet. Dette vil til dømes gjelde når arbeidsavtalen vart inngått før partane inngjekk kontrakt om lærerid, noko som vil vere tilfellet for kandidatar til fagbrev på jobb. Femte ledd vil også gjelde der ein som har lærerid i bedrift, i tillegg til læreforholdet har inngått ein ordinær arbeidsavtale om deltidstilsetjing, til dømes om helgejobb eller sommarjobb.

*Sjette ledd* vidarefører § 4-2 femte ledd i dagens lov. Regelen inneber at lærekandidatar har rett til individuell tilrettelegging etter §§ 11-4 til 11-6. For denne tilrettelegginga gjeld §§ 11-7 til 11-11 og § 11-13.

#### *Til § 7-5 Godkjenning av lærebedrifter*

Paragrafen erstattar delar av dagens lov § 4-3 og er omtalt i punkt 42.4, 42.5, 42.7 og 42.8.

*Første ledd* legg til grunn at bedrifter som oppfyller kravet lova har til lærebedrifter, skal få godkjenning frå fylkeskommunen.

*Andre ledd* slår fast at det skal ligge føre ei fagleg vurdering frå yrkesopplæringsnemnda før fylkeskommunen kan gjere vedtak om godkjenning av lærebedrift. Vurderinga til nemnda skal seie noko om bedrifta er eigna som lærebedrift, jf. § 7-6. Fylkeskommunen skal leggje avgjerande vekt på den faglege vurderinga frå yrkesopplæringsnemnda.

*Tredje ledd* gir departementet heimel til å gi nærmare reglar i forskrift om krav til lærebedrifter, om godkjenninga av lærebedrifter og om opplæringskontor.

#### *Til § 7-6 Krav til lærebedrifter*

Paragrafen erstattar delar av § 4-3 i dagens lov og er omtalt i punkt 42.4.

*Første ledd* fastset at lærebedrifta skal gi opplæring i samsvar med læreplanar i lærefaget. Eit sentralt moment i vurderinga av om bedrifta er i stand til å gi opplæring, er om bedrifta kan gi opplæring i samsvar med læreplanen. Det er ikkje eit vilkår for godkjenning at bedrifta kan gi opplæring som fullt ut dekkjer aktuelle læreplanar for fag. Bedrifta kan vere lærebedrift saman med éi eller fleire andre bedrifter, eller fylkeskommunen kan stå ansvarleg for dei resterande måla. Om ei lærebedrift kan stå aleine om opplæringa, må også vurderast ved godkjenninga av kontrakten om opplæring, jf. § 7-2.

*Andre ledd* erstattar dagens lov § 4-3 tredje ledd sjette og sjuande punktum. Det er ikkje fastsett krav til utdanning for fagleg leiar i bedrifta. Fagleg leiar kan vere kvalifisert på bakgrunn av utdanning eller lang, allsidig og relevant praksis. Instruktør og fagleg leiar kan vere same person. Krava til fagleg leiar og instruktør gjeld for kvar enkelt lærebedrift. Dersom to eller fleire lærebedrifter samarbeider om opplæringa for den som har læretid i bedrift, gjeld kravet for alle bedriftena som inngår i samarbeidet.

*Tredje ledd* fastset at departementet kan gi forskrift om deling av ansvaret mellom samarbeidende lærebedrifter.

#### *Til § 7-7 Rekruttering av lærebedrifter og formidling til lærepllass*

Paragrafen er ny og er omtalt i punkt 42, særleg 42.8.

*Første ledd* slår fast at fylkeskommunen skal arbeide for at alle søkjrar som ønskjer det og oppfyller vilkåra for lærepllass, skal få bedriftsdelel av opplæringa i bedrift. Fylkeskommunen skal søkje å finne lærepllass til alle søkerar som fyller vilkåra for å formidlast til lærepllass, uavhengig av om dei har fått opplæring på grunnlag av ein lorfesta rett, og om det eventuelt var som ungdomsrett eller vaksenrett til vidaregåande opplæring. Departementet kan sette nærmere vilkår for formidling til lærepllass i forskrift med heimel i tredje ledd. Regelen må sjåast i samanheng med § 5-6 om rett til lærepllass eller eit anna tilbod på vidaregåande trinn 3 og med § 5-3 som seier at det skal leggjast stor vekt på kva kompetanse samfunnet treng. Tilgangen på lærepllassar kan vere eit relevant moment i vurderinga av kompetansebehovet.

*Andre ledd* slår fast at fylkeskommunen skal formidle søkerar som oppfyller vilkåra til lærebedrifter. Leddet legg ingen foringar for korleis formidlinga av lærepllass skal gå føre seg.

*Tredje ledd* gir departementet heimel til å gi reglar i forskrift om formidling til lærepllass. Regelen må sjåast i samanheng med § 5-1 sjuande ledd som gir departementet heimel til å gi forskrift om inntak til vidaregåande opplæring.

#### *Til § 7-8 Tilskot til lærebedrifter*

Paragrafen erstattar dagens lov § 4-4 femte ledd og er omtalt i punkt 42.4.

*Første ledd* slår fast at fylkeskommunen har ei plikt til å utbetale tilskot til lærebedrifter som har inngått kontrakt om opplæring med éin eller fleire som har læretid i bedrift.

*Andre ledd* gir departementet heimel til å gi forskrift om lærtingtilskotet.

#### *Til § 7-9 Oppfølging av lærebedrifter og tap av godkjenning*

Paragrafen erstattar § 4-8 og er omtalt i punkt 42, særleg 42.4 og 42.8.

*Første ledd* er det slått fast at fylkeskommunen skal rettleie og følgje opp lærebedrifter. Regelen må sjåast i samanheng med internkontrollkravet i

kommunelova § 25-1. Arbeidet til fylkeskommunen skal vere eigna til å storfeste god tilstand og/eller avdekkje og førebyggje manglende etterleving av kontrakten om opplæring og aktuelt regelverk i opplæringslova med forskrifter.

*Andre ledd* slår fast at lærebodrifta kan miste godkjenninga dersom lærebodrifta ikkje oppfyller krava i lova. Vidare følger det av regelen at yrkesopplæringsnemnda skal gi ei fagleg vurdering av om lærebodrifta oppfyller krava til godkjenninga, og at fylkeskommunen skal legge avgjerande vekt på den faglege vurderinga frå yrkesopplæringsnemda.

Det følgjer av *tredje ledd* at ei godkjenning som lærebodrift automatisk fell bort 24 månader etter at den siste kontrakten om læretid vart avslutta, jf. §§ 7-3 og 7-4.

*Fjerde ledd* gir departementet heimel til å gi forskrift om tap av godkjenning som lærebodrift.

#### *Til § 7-10 Lærebodriftene sitt ansvar for opplæringa*

Paragrafen erstattar dagens lov § 4-4 og er omtalt i punkt 42, særleg 42.4.

*Første ledd* pålegg lærebodrifta å planlegge verksemda og produksjonen på ein måte som legg til rette for at dei som har læretid i bedrift får opplæring i samsvar med kontrakten om opplæring. Dersom to eller fleire bedrifter samarbeider om opplæringa for dei som har læretid i bedrift, må bedriftene ha ein plan for samarbeidet og samordne verksemndene på ein måte som sikrar at dei som har læretid i bedrift får opplæring i samsvar med kontrakten om opplæring. Tilsvarande gjeld der fylkeskommunen har ansvaret for delar av opplæringa for nokon som har læretid i bedrift.

Ansvaret til lærebodrifta etter *andre ledd* går noko lenger enn kravet i arbeidsmiljølova når lærebodriftene får eit ansvar for å skape eit godt læringsmiljø. Andre punktum inneber at både opplæringsdelen og verdiskapingsdelen av læreforholdet skal gå føre seg innanfor det som er den normale arbeidstida for tilsette i bedrifta.

*Tredje ledd* pålegg lærebodrifta ei meldeplikt dersom bedrifta ikkje lenger kan oppfylle krava til lærebodrifter, jf. § 7-6. Dette vil til dømes gjelde der bedrifta av ulike årsaker blir lagd ned, eller dersom det skjer omfattande endringar i produksjonen. Meldeplikta vil også gjelde der lærebodrifta er i tvil om ho kan gi lærekandidaten tilfredsstillande utbytte av opplæringa, sjå også § 7-4 sjette ledd.

#### *Til § 7-11 Krav til internkontroll i lærebodrifter*

Paragrafen erstattar dagens lov § 4-7 og er omtalt i punkt 42.6.

*Første ledd* presiserer at lærebodrifter har ansvar for at bedrifta har internkontroll for å sikre at opplæringa oppfyller krava i opplæringslova med tilhøyrande forskrifter. Internkontrollen skal gjennomførast i samarbeid med representantar for arbeidstakarane.

*Andre ledd* pålegg lærebodrifta ei plikt til å gi fylkeskommunen informasjon om opplæringa ho gir. Regelen inneber også mellom anna ei plikt til å bidra med statistiske opplysningar.

#### Kapittel 8 Organ knytte til fag- og yrkesopplæringa

##### *Til § 8-1 Rådgivande organ for fag- og yrkesopplæringa*

Paragrafen vidarefører reglane i dagens lov §§ 12-1, 12-2 og 12-5 om at departementet skal nemne opp eit organ for samarbeid om fag- og yrkesopplæringa, nemne opp faglege råd for fag- og yrkesopplæringa og nemne opp læreplangrupper som skal hjelpe til i arbeidet med å fastsetje innhaldet i fag- og yrkesopplæringa. Paragrafen er omtalt i punkt 48.

Paragrafen er meint å sikre at dei aktuelle organa blir nemnde opp. *Første til tredje ledd* gir overordna føringar for kva oppgåver som ligg til organa, men fører i hovudsak ikkje vidare dagens meir detaljerte lovregulering av samansettninga og oppgåvene til organa. *Fjerde ledd* gir heimel til at departementet kan gi reglar i forskrift om samansettninga og oppgåvene til organa.

##### *Til § 8-2 Yrkesopplæringsnemnder*

Paragrafen erstattar dagens lov § 12-3, og er omtalt i punkt 42, særleg 42.8.

*Første ledd første punktum* pålegg fylkeskommunen ei plikt til å nemne opp ei yrkesopplæringsnemnd. I *første ledd andre punktum* er det presisert at det er fylkeskommunen som skal førebu sakene som skal behandlast av nemnda. Ansvaret til fylkeskommunen gjeld i saker der lova pålegg fylkeskommunen å innhente vurderinga til nemnda, mellom anna i saker om godkjenning av lærebodrifter etter §§ 7-5, 7-6 og 7-9. Å førebu saker som skal behandlast i yrkesopplæringsnemnda, vil mellom anna innebere å utføre dei praktiske oppgåvene og å innhente den informasjonen nemnda ber om. Fylkeskommunen har ikkje førebuingsansvaret i saker som nemnda arbeider med på eige initiativ.

*Andre ledd* er ei delvis vidareføring av dagens lov § 4-8 tredje ledd. Regelen styrker posisjonen til yrkesopplæringsnemnda samanlikna med i dag. Regelen inneber at fylkeskommunen må ta med synspunktet til yrkesopplæringsnemnda i vurderinga av alle saker som gjeld fylkesopplæringa, og at fylkeskommunen skal legge avgjørende vekt på den faglege vurderinga til nemnda. Dette kan til dømes vere i spørsmål om dimensjoner eller planlegginga av ulike tilbod.

*Tredje ledd* gir departementet heimel til å gi reglar i forskrift om medlemmene i nemnda, funksjonstid, representasjon osv. Departementet kan også gi reglar om oppgåvene til nemnda, som kjem i tillegg til sakene der lova føreset at nemnda gjer ei fagleg vurdering eller uttaler seg, til dømes i arbeidet til fylkeskommunen med dimensjoning av det vidaregående opplæringstilboden, jf. § 5-3.

#### *Til § 8-3 Klagenemnd for fag- og sveineprøvar*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 12-6 og er omtalt i punkt 48.

Paragrafen omfattar berre klager på vedtak om ikkje bestått fag- eller sveineprøve og ikkje klager på praksisbrevprøver og kompetanseprøvar for lærekandidatar. Paragrafen omfattar heller ikkje klager som er grunngitt med formelle feil eller andre ikkje-faglege forhold.

Når det gjeld kravet i *første ledd* om at minst to av medlemmene skal ha fagutdanning, blir det føresett at fagutdanninga er relevant for det aktuelle lærefaget.

Kapittel 9 Skyss, bustad, oppfølgingsteneste og overgang frå grunnskole til vidaregåande opplæring

#### *Til § 9-1 Rett til skyss til og frå skolen for elevar i den vidaregåande opplæringa*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 7-2 første ledd og er omtalt i punkt 37.

*Første ledd* vidarefører retten til skyss eller full skyssgodtgjersle på grunn av lang skoleveg. Avstanden mellom skolen og heimen skal målast frå inngangsdøra der eleven bur, til inngangsdøra på skolen. Dersom skolen har fleire inngangsdører, skal ein måle frå den døra som gir størst avstand, uavhengig av om eleven bruker denne døra. Oppmålinga skal gjennomførast langs alminneleg farbar veg. Elevane har vanlegvis ikkje rett til skyss frå døra heime, men frå ein oppsamlingsplass som ligg i rimeleg gangavstand frå heimen. Kva som er rimeleg avstand, må avgjeraast etter ei konkret vurdering, der ein mellom anna skal leg-

gje vekt på trafikkforholda. Det kan ikkje krevjast at elevane går like langt som skyssgrensa, som er seks kilometer. Sjølv skysstilboden må utgjere størstedelen av strekninga mellom heim og skole.

Fylkeskommunen kan velje å organisere gratis skoleskyss eller overlate til eleven å ordne skoleskyssen sjølv mot full skyssgodtgjersle. I dei tilfella fylkeskommunen overlét til eleven å ordne skyssen sjølv, må fylkeskommunen dekkje utgiftene eleven eller foreldra til eleven faktisk har i samband med skoleskyssen. Tapt arbeidsinntekt blir ikkje rekna som utgift ved skyssen og skal ikkje reknast med i grunnlaget for skyssgodtgjersla. Også i dei tilfella eleven må gå på ein skole i eit anna fylke for å få oppfylt retten til vidaregåande opplæring, skal heimfylket sørge for skyss eller full skyssgodtgjersle.

*Andre ledd* vidarefører regelen om retten til gratis båttransport. Vilkåret for å få rett til båttransport er at eleven «treng» slik transport, det vil seie at naturleg farbar veg til skolen inkluderer transport over vatn. Retten gjeld uavhengig av lengda på skolevegen. Når skolevegen er meir enn seks kilometer, følgjer retten til gratis skyss av første ledd. For å få rett til skyss i tillegg til båttransport må elevane ha ein skoleveg som inklusiv strekninga med båt er lengre enn seks kilometer.

For å få rett til skyss etter *tredje ledd* er det ikkje tilstrekkeleg at eleven har nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom. Det er i tillegg eit vilkår for retten at den nedsette funksjonsevna, skaden eller sjukdommen er årsaka til at eleven har behov for skyss. Rettane etter tredje ledd gjeld elevar som treng skyss på grunn av både fysisk og psykisk funksjonsnedsetjing.

*Fjerde ledd* presiserer at elevar som har fleire heimar, har rett til skyss eller full skyssgodtgjersle frå heimane så framt vilkåra for skyss elles er oppfylte. Retten gjeld både når eleven har delt bustad, og når det ligg føre ein avtale eller ei rettsleg avgjerd om fast samværsordning. Retten til skyss for elevar som reiser til skolen frå to foreldreheimar, gjeld berre når eleven har fast og regelmessig opphold i dei to heimane. Retten gjeld også når butida til eleven på fast og regelmessig basis er delt mellom foreldreheim og fosterheimar/avlastingsheim eller besøksheim som er vedteken eller avtalt med barnevernet eller helse- og omsorgssektoren. Samvær og improviserte enkeltståande besøk gir ikkje rett til skyss.

*Femte ledd* opnar for at elevane kan få rabatt på offentleg transport i staden for gratis skyss.

Skyssstilboden som blir gitt elevar med rett til skyss, skal vere forsvarleg, jf. Ot.prp. nr. 46 (1997–98), merknad til § 13-4. Dette inneber mellom anna at det må organiserast slik at eleven får ei akseptabel reisetid. Det er den totale tida eleven bruker heimanfrå, til opplæringa startar, og frå opplæringa er slutt, til eleven er heime om ettermiddagen, som utgjer den samla reisetida. I vurderinga av kva som er akseptabel reisetid, må gangtid, ventetid, tid med transportmiddel og omsynet til effektiv og rasjonell organisering av skyssen sjåast i samanheng. Andre moment i denne vurderinga er om gangavstanden til transportmiddelet er rimeleg, forhold ved den aktuelle reisestrekninga, transportbytte og krav til sjølve transporten. Momenta må sjåast opp mot funksjonsevna og dei andre føresetnadene eleven har.

Ansvaret for å oppfylle retten til skyss følgjer av § 28-7 i lovforslaget.

#### *Til § 9-2 Reisefølge for og tilsyn med elevar i den vidaregåande opplæringa*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 7-4 og er omtalt i punkt 37.

Som hovudregel treng ikkje elevane reisefølge og tilsyn i denne aldersgruppa, og dette må vurderast for kvar enkelt elev.

Retten til reisefølge etter *første ledd* er i hovudsak reservert for elevar med nedsett funksjonshevne som må ha følge for at dei skal kunne nyte seg av skyssstilboden dei har rett til. Fylkeskommunen skal sørge for nødvendig reisefølge og dekkje skysskostnadene og andre utgifter knytte til reisefølgjet, jf. § 28-7.

Tilsynsplikta i vidaregåande opplæring etter *andre ledd* er på grunn av alderen på elevane vesentleg mindre enn den tilsvarande plikta for å føre tilsyn med elevar i grunnskolen. Plikta omfattar *berre* elevar som på grunn av nedsett funksjonsevne ikkje kan greie seg aleine i ventetida.

#### *Til § 9-3 Hjelp med å skaffe bustad for elevar i den vidaregåande opplæringa*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 7-2 tredje ledd og er omtalt i punkt 37.

Fylkeskommunen skal hjelpe elevane med å skaffe dei ein stad å bu dersom elevane ikkje kan nyte dagleg skyss til skolen på grunn av lang eller vanskeleg skoleveg. Elevane må betale sjølve, men kan få lån og stipend, jf. lov om utdanningsstønad. Det følgjer av regelen at fylkeskommunen skal byggje elevheimar dersom det ikkje er mogleg å skaffe elevane ein stad å bu innanfor

ein avstand med moglegheit for dagleg skyss til skolen. Det skal mykje til for at fylkeskommunen må byggje elevheimar.

Plikta fylkeskommunen har til å hjelpe elevane med å skaffe ein stad å bu eller byggje elevheimar, gjeld berre dei søkarane som fylkeskommunen har ansvaret for etter § 28-2. Det vil seie at heimfylket har plikt etter regelen også når elevane får plass på ein vidaregåande skole i eit anna fylke. Dette gjeld likevel ikkje ved inntak til landslinjer. I slike tilfelle har verftsnyhet ansvaret.

#### *Til § 9-4 Oppfølgingsteneste for ungdom som ikkje er i vidaregåande opplæring eller arbeid*

Paragrafen vidarefører delar av dagens lov § 3-6 og er omtalt i punkt 45.

*Første ledd første punktum* slår fast at fylkeskommunen skal ha ei oppfølgingsteneste. Det blir ikkje stilt krav til korleis oppgåva blir organisert. *Første ledd andre punktum* seier kven oppfølgingstenesta skal rettast mot, og kva oppfølginga skal gå ut på. Dei som har rett til vidaregåande opplæring etter § 5-1, og som ikkje er i opplæring, omfattar dei som ikkje har søkt eller teke mot elev- eller lærepllass, og dei som avbryt opplæringa. For at den enkelte skal kunne rekna for å vere «i arbeid» etter regelen, er det ikkje tilstrekkeleg at det kan konstaterast eit arbeidsforhold. Arbeidsforholdet må vere av ei viss varigheit og ha eit visst omfang. Det er relevant å sjå på om arbeidet er eigna til å gi, eller å bidra til på sikt å gi, den enkelte ei varig tilknyting til arbeidslivet. I *tredje punktum* er den øvre aldersgrensa for kven som er omfatta av oppfølgingstenesta, sett til utgangen av det året, det vil seie det kalenderåret, ein fyller 24 år. Ettersom oppfølgingstenesta gjeld for dei som har rett til vidaregåande opplæring for ungdom, er det i praksis ei nedre aldersgrense for kven som er omfatta, normalt 16 år.

*Andre ledd* slår fast at oppfølgingstenesta pliktar å sikre tverrretatleg samarbeid mellom kommunale, fylkeskommunale og statlege instansar som har ansvar for målgruppa. Aktuelle instansar for samarbeid er særleg grunnskolane og dei vidaregåande skolane, pedagogisk-psykologisk teneste (PP-tenesta), opplæringsadministrasjonen i fylkeskommunen, arbeids- og velferdsforvaltninga og helse- og sosialtenestene. I *andre ledd andre punktum* er det presisert at oppfølgingstenesta skal samordne og formidle dei ulike tilboda.

Oppfølgingstenesta kan hjelpe til i arbeidet med å redusere fråfallet frå vidaregåande opplæring gjennom samarbeid med grunnskole og vidaregåande opplæring.

*Tredje ledd* gir departementet heimel til å gi forskriftsreglar om kva som skal vere dei konkrete oppgåvene til oppfølgingstenesta. Første ledd andre og tredje punktum og andre ledd utgjer rammene for kva oppgåver som kan påleggjast oppfølgingstenesta i forskrift.

#### *Til § 9-5 Overgangen frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa*

Paragrafen er ny og er omtalt i punkt 40.11. Paragrafen er i hovudsak meint å vareta dei same omsyna som den tilsvarende paragrafen om overgangen frå barnehagen til skolen i 4-7.

*Første ledd første punktum* fastset at fylkeskommunen skal sørge for at elevane får ein trygg og god overgang frå grunnskolen til vidaregåande opplæring. Regelen regulerer berre overgangen til vidaregåande opplæring organisert for ungdom.

Kva som er ein trygg og god overgang frå grunnskolen til vidaregåande opplæring, er ei skjønnsmessig vurdering. Skjønnet er eit lovbunde skjønn, samtidig som vurderinga må gjerast med grunnlag i fagleg-pedagogisk kunnskap og erfaring. Ein trygg og god overgang frå grunnskolen til vidaregåande opplæring handlar mellom anna om at ungdommane og foreldre opplever overgangen som føreseieleg, og at ungdommane veit kva dei kan forvente når dei byrjar i vidaregåande opplæring. Ein trygg og god overgang handlar også om at fylkeskommunen er førebudd på kva erfaringar ungdommane har med seg frå grunnskolen. For å oppnå dette bør fylkeskommunen leggje til rette for ein god dialog som involverer ungdommane. I den grad ungdommane ønsker det, bør også andre med erfaringssgrunnlag om ungdommen blir involvert.

Fylkeskommunen skal sørge for ein trygg og god overgang for alle elevar som byrjar i vidaregåande opplæring. Det er opp til fylkeskommunen å vurdere på kva måte han vil sørge for dette. Fylkeskommunen bør likevel ha eit minimum av generelle tiltak retta mot alle elevar, til dømes tilbod om skolebesøk. Fylkeskommunen bør også gjere det mogleg for alle elevar å gi informasjon om forhold som kan ha noko å seie for overgangen til vidaregåande opplæring. Fylkeskommunen må ta særleg omsyn til korleis overgangen skal gjerast for sårbare ungdommar. For desse elevane kan det vere nødvendig med tett oppfølging og konkrete individuelle tiltak. Det kan til dømes vere behov for at skolen gjennomfører kompetanseheving av personalet eller sørger for

fysisk tilrettelegging i forkant av skolestart. Nokre minoritetsspråklege ungdommar vil ha behov for spesiell tilrettelegging når det gjeld språk, og det vil vere ein fordel at behovet for mellom anna særskild språkopplæring blir kartlagd så tidleg som mogleg.

Som det kjem fram av *første ledd andre punktum*, skal kommunen samarbeide med fylkeskommunen om overgangen. Det blir her sikta til kommunen som skoleeigar. Samarbeidet kan innebere overføring av opplysningar, også personopplysningar. Behandling av slike opplysningar må skje innanfor dei til kvar tid gjeldande rammene for behandling av personopplysningar.

*I andre ledd* er det fastsett at samarbeidsplikta til kommunen i første ledd gjeld tilsvarende overfor private vidaregåande skolar godkjende etter privatskolelova dersom eleven skal byrje på ein slik skole. Dette er meint å sikre samarbeidet i dei tilfella den vidaregåande skolen ikkje er ein offentleg skole, men ein privatskole. Sjå også tilsvarende regel i forslaget til privatskolelova § 5-6. Reglane i opplæringslova § 9-5 og privatskolelova § 5-6 skal til saman sikre at elevane får ein trygg og god overgang frå grunnskolen til vidaregåande opplæring, uavhengig av om elevane kjem frå, eller skal til, ein offentleg skole eller ein privatskole godkjend etter privatskolelova.

#### *Til § 9-6 Opplæringstilbod i overgangen frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa*

Paragrafen er ny og er omtalt i punkt 40.11.

Paragrafen fastset at fylkeskommunen pliktar å ha eit overgangstilbod for dei som skal over i vidaregåande opplæring for ungdom, og som manglar faglege eller språklege føresetnader for å gjennomføre opplæringa. Dette kan til dømes gjelde elevar som har hatt mykje fråvær i grunnskolen, eller elevar som har komme til Noreg sein i grunnskolelopet. Fylkeskommunen vel sjølv korleis tilboden skal organiserast. Dette inneber mellom anna at fylkeskommunen kan velje om tilboden skal givast før eller etter den enkelte har starta i vidaregåande opplæring. Det er også opp til fylkeskommunen kva innhald det skal ha, nærmare målgruppe for tilboden og omfanget av tilboden. Det er likevel ein føresetnad at det tilboden fylkeskommunen gir, er eigna til å betre føresetnade til elevane for å kunne fullføre og bestå den vidaregåande opplæringa. Det er ikke ein rett for den enkelte til å delta i eit slikt opplæringstilbod. Fylkeskommunen har ikkje plikt til å dimensjonere tilboden til alle i målgruppa.

**Til § 9-7 Tilbod om meir grunnskoleopplæring**

Paragrafen vidarefører dagens lov § 4A-1 andre ledd og er omtalt i punkt 40.11.

Paragrafen gjer det mogleg for kommunar og fylkeskommunar å tilby førebuande opplæring etter § 18-2 til dei som allereie har fullført grunnskolen. Som presisert i andre punktum kan opplæringa gjere det mogleg å forbetre grunnskolevitnemålet. Dette vidarefører gjeldande praksis og er tatt inn i paragrafen for å synleggjere at det elles ikkje er mogleg å forbetre grunnskolevitnemålet. Fylkeskommunen vel sjølv om han vil tilby førebuande opplæring etter paragrafen. Dette valet byggjer på eit forvaltningssskjønn som tilsynsmakta og domstolane ikkje kan overprøve.

For å kunne takast inn på eit tilbod om meir grunnskoleopplæring må ein oppfylle to vilkår. For det første må ein ha rett til vidaregåande opplæring etter § 5-1. Dette inneber at ein må ha fullført grunnskolen eller tilsvarande opplæring. Det andre vilkåret er at ein må ha behov for meir grunnskoleopplæring. I vurderinga av om den enkelte har behov for meir grunnskoleopplæring, skal det leggjast vekt på kva for eit fagleg grunnlag den enkelte har frå grunnskolen, og korleis dette påverkar sjansane for at vedkommande greier å oppnå studie- eller yrkeskompetanse i den vidaregåande opplæringa.

Dei som deltek i eit tilbod om meir grunnskoleopplæring etter denne paragrafen, blir rekna som vaksne deltakarar etter femte del i lova. Reglane i femte del i lova gjeld derfor for denne opplæringa.

**Fjerde del – fellesreglar for grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa**

Kapittel 10 Det beste for eleven, medverknad, skoledemokrati og skoleregler

**Til § 10-1 Det beste for eleven**

Paragrafen er ny og er omtalt i punkt 10.

Paragrafen regulerer prinsippet om det beste for barnet og erstattar tidlegare reguleringar i dagens opplæringslov §§ 2-8 femte ledd, 3-12 femte ledd, 9 A-4 femte ledd og 9 A-6 tredje ledd.

Paragrafen må sjåast i samanheng med og tolkast i samsvar med Grunnlova § 104 andre ledd og barnekonvensjonen artikkel 3 nr. 1 om det beste for barnet. Etter desse reglane gjeld prinsippet om det beste for barnet for alle barn og unge opptil 18 år. Når paragrafen viser til «elevar», omfattar det også dei over 18 år så lenge dei er elevar. I samsvar med § 5-1 andre ledd kan ein per-

son berre vere elev ut det skoleåret som tek til det året ein fyller 24 år.

Regelen gjeld ikkje for dei som har læretid i bedrift, eller vaksne deltakarar. Prinsippet om det beste for barnet vil likevel, i kraft av Grunnlova og barnekonvensjonen, gjelde for dei som har læretid i bedrift, og for deltakarar i grunnopplæringa for vaksne, når dei er under 18 år.

Paragrafen gjeld for alle som tek avgjerder eller gjer andre handlingar som vedkjem elevar. Vurderinga av kva som er det beste for eleven skal vere sentral i alle handlingar og avgjerder som vedkjem elevar, ikkje berre i saker som blir avgjorde gjennom enkeltvedtak. Dette inneber at det ved førebuinga av alle avgjerder og tiltak må vurderast om saka kan vedkomme ein eller fleire elevar. Dersom svaret på dette er ja, må ein sørge for å skaffe seg kunnskap om kva som vil vere til det beste for eleven eller elevane. Medverknaden til elevane, jf. § 10-2, vil vere sentral i vurderinga av kva som er det beste for elevane.

I vurderinga av kva som er til det beste for eleven skal ein ta utgangspunkt i behovet og føresetnadene til den enkelte eleven. Det vil variere om det i vurderinga av det beste for eleven skal rettast merksemrd mot ein enkeltelev, fleire elevar eller heile grupper eller klassar. Om det er éin eller fleire elevar, vil mellom anna avhenge av kven som er avgjerdstakar, og kva avgjerda går ut på.

Kva som vil vere til det beste for den enkelte eleven, kjem an på ei individuell og konkret vurdering. Relevante moment i vurderinga er mellom anna eleven sine eigne meningar, identiteten til eleven, sårbarheitssituasjonen til eleven, helsa til eleven, retten eleven har til vern, omsorg og tryggleik, og retten eleven har til utdanning, jf. barnekomiteens *Generell kommentar nr. 14 (2013) Om barnets rett til at hans eller hennes beste skal være et grunnleggende omsyn* avsnitt 52 flg.

I tråd med forståinga av barnekonvensjonen tilseier «grunnleggjande omsyn» at det beste for eleven ikkje er det einaste og heller ikkje alltid det avgjerande omsynet. Samtidig viser «grunnleggjande» til at omsynet til det beste for eleven ikkje berre er eitt av fleire moment i ei heilsapsvurdering, men eit omsyn som skal ha stor vekt. Det skal mykje til for at andre omsyn kan gå føre det beste for eleven. Dersom det er andre omsyn som spelar inn, må det beste for eleven vegast opp imot desse. Omsynet til det beste for ein enkelt elev kan komme i konflikt med andre omsyn, til dømes omsynet til andre elevar eller klassemiljøet. Slike konfliktar må løysast konkret frå sak til

sak, medan ein balanserer dei ulike interessene til elevane og prøver å finne eit kompromiss, jf. barnekomiteens *Generell kommentar nr. 14 (2013) Om barnets rett til at hans eller hennes beste skal være et grunnleggende hensyn* avsnitt 37-39.

I saker som blir avgjorde gjennom enkeltvedtak, skal vedtaket vise korleis omsynet til det beste for eleven har vorte vurdert. Vurderinga av det beste for eleven i den konkrete saka må vere omtalt i grunngivinga til vedtaket og vere tilstrekkeleg konkret og individuell.

#### *Til § 10-2 Elevane sin rett til medverknad*

Paragrafen er ny og er omtalt i punkt 21.

Paragrafen følgjer opp Grunnlova § 100 om ytringsfridom og § 104 om retten barnet har til medverknad, og må tolkast i lys av reglar i Grunnlova og barn sin rett til å bli høyrde etter barnekonvensjonen artikkel 12. Paragrafen gjeld elevar under og over 18 år, noko som inneber ei utviding samanlikna med kva som følgjer av anna regelverk.

Paragrafen gjeld ikkje for dei som har lærerid i bedrift. Prinsippet om retten barnet har til å bli høyrd, vil likevel, i kraft av Grunnlova og barnekonvensjonen, gjelde for dei som har lærerid i bedrift når dei er under 18 år. For dei som har lærerid i bedrift, gjeld reglane i arbeidsmiljølova om retten og plikta arbeidstakrar har til medverknad.

For vaksne deltagarar gjeld eigne reglar om medverknad, sjå § 20-1.

*Første punktum* gir kvar elev ein sjølvstendig og vilkårslaus rett, men ikkje ei plikt, til å medverke i alle avgjerder som gjeld eleven sjølv. Det er ikkje nødvendig å hente inn eit samtykke frå foreldra for å snakke med eleven. Retten eleven har til medverknad, gjeld uavhengig av foreldra. Kvar elev skal ha rett til å uttale seg fritt. Det er ein føresetnad for å kunne ytre seg fritt at eleven får informasjon om situasjonen eller saka, kva avgjerder som skal takast, og kva konsekvensar desse avgjerdene kan få for eleven, jf. § 10-8 om informasjonsplikt. Dersom det finst fleire alternative løysingar, skal eleven få informasjon om dette. Informasjonen må vere forståeleg og tilpassa dei individuelle føresetnadene til eleven, til dømes alder, modnad, erfaring og kultur- og språkbakgrunn. For at eleven skal kunne uttale seg fritt, må skolen legge til rette for at situasjonen kjennest trygg for eleven, og ikkje utsetje eleven for påverknad eller press. Det er også ein føresetnad at elevane får den tilrettelegginga dei treng for å kunne gi uttrykk for sitt syn.

Retten til medverknad dekkjer alt som gjeld ein eller fleire elevar etter opplæringslova og i heile avgjerdsprosessen. Medverknaden skal også vareta den religiøse, kulturelle og språklege bakgrunnen til elevane. Dette inkluderer språket og kulturen til samiske elevar.

Det følgjer av *andre punktum* at det ikkje er tilstrekkeleg å la eleven ytre seg. Realisering av retten krev at det blir lagt vekt på meiningsane til eleven etter alder og modnad.

Det er primært skolen som må vareta retten elevane har til medverknad, men også andre delar av kommunen har eit ansvar, til dømes den pedagogisk-psykologiske tenesta (PP-tenesta). Det er ikkje tilstrekkeleg at skolen, PP-tenesta osv. får informasjon om ein elev frå andre, til dømes foreldra. Dersom til dømes skolen primært byggjer informasjonen sin om ein elev på opplysningar frå andre, og ikkje snakkar direkte med eleven, inneber det eit brot på retten eleven har til medverknad, og kravet om forsvarleg saksbehandling.

Skolen skal også ta omsyn til at elevar har rett til privatliv etter barnekonvensjonen artikkel 16 når skolen skal vareta retten eleven har til å medverke. Dersom skolen vil dele opplysningar dei har fått frå eleven, med foreldra eller andre, må skolen informere eleven om dette. Eleven skal få uttale seg om opplysningane skal delast, kva informasjon skolen bør gi, og korleis skolen bør gi denne informasjonen.

#### *Til § 10-3 Samarbeid med foreldra*

Paragrafen vidarefører i hovudsak dagens lov § 13-3 d og er omtalt i punkt 20.

Plikta i *første ledd* gjeld både for grunnskolar og vidaregåande skolar, men ikkje når ungdom har lærerid i bedrift.

På opplæringsfeltet kan elevane på ein del område bestemme sjølve frå dei er 15 år, sjå forslaget § 24-5. Samarbeidsplikta må sjåast i samanheng med desse reglane og med omsorgsplikta for foreldre til barn under 18 år, jf. barnelova §§ 30 til 33. Plikta skolen har til å samarbeide med foreldra, gjeld med mindre han kjem i konflikt med reglane om sjølvråderetten til eleven.

Ordet «foreldra» omfattar både foreldre og førestatte, det vil seie dei som varetok foreldreansvaret i staden til foreldra. Samarbeidsplikta til skolen gjeld anten eleven bur saman med foreldra sine eller til dømes på institusjon eller hos fosterforeldre. I samband med foreldresamarbeidet må skolen ta omsyn til dei reglane som gjeld for varetaking av partsrettane barnet har etter opplæ-

ringslova og etter andre lovverk, som barnelova og barnevernlova.

Plikta skolen har overfor foreldra, fell bort når eleven blir myndig. Skolen bør likevel legge til rette for samarbeid med foreldra også når eleven har fylt 18 år, dersom eleven ønskjer det. Skolen skal også samarbeide med foreldra dersom eleven er over 18 år, men framleis står under verjemål og er avhengig av bistanden til foreldra.

Nemninga «opplæringa» skal forståast vidt. Dette inneber at skolen har plikt til å samarbeide med foreldra om både den faglege og sosiale utviklinga til eleven. Samarbeidet skal også omfatte andre sider av opplæringa, som til dømes samarbeid ved skolestart, fråværet til eleven, anna utvikling hos eleven og overgangar mellom trinn og mellom skolar. Retten foreldra har til medverknad, er også regulert andre stader i opplæringslova, til dømes når eleven har rett til individuelt tilrettelagd opplæring, jf. § 11-7 siste ledd.

«Skolen» er brukt som pliktsubjekt i denne regelen fordi oppfyllinga naturleg skjer på skolenivå. Skolen er ikkje eit eige rettssubjekt, og det er kommunane og fylkeskommunane som har ansvaret for at skolane oppfyller plikta, jf. § 28-1 første ledd og § 28-2 første ledd.

Det er skolen, som den profesjonelle parten, som har ei plikt etter lova til å samarbeide, ikkje foreldra. Skolen bør legge til rette for at alle foreldre kan delta i samarbeidet, uavhengig av språkkunnskapar, bakgrunn og føresetnader. Dersom samarbeidet skal fungere, er det likevel ein føresetnad at foreldra deltek aktivt.

Skolen har eit ansvar for å gi tilpassa informasjon til foreldra om kva samarbeidet inneber, og kva dei forventar av foreldra, slik at foreldra veit korleis dei kan hjelpe barna sine, og kva dei kan forvente av skolen. I samarbeidet med foreldra må skolen ta ansvar for at det beste for eleven blir vurdert, og for at det er mogleg for eleven å medverke og bli høyrd, slik at rettane og tilliten eleven har til skolen, blir varetekne. Skolen skal også ta omsyn til at elevar har rett på privatliv, jf. barnekonvensjonen artikkel 16. Skolen må derfor informere eleven om at dei vil dele opplysningar dei har fått frå eleven, med foreldra. Eleven skal få uttale seg om opplysningane skal delast med foreldra, kva informasjon foreldre skal få, og korleis skolen bør gi denne informasjonen. Plikta må sjåast i samanheng med den generelle informasjonsplikta i § 10-8. Informasjonsplikta skal sikre at elevane og foreldra får den informasjonen dei har bruk for, mellom anna om opplæringa, skolemiljøet og skolereglane og om rettane og pliktene elevane elles har.

Det kan vere behov for tolk ved kommunikasjon mellom skolen og foreldra til eleven, og skolen må vurdere når det er nødvendig med tolk. Sjå nærmare om krav offentlege organ har til bruk av tolk, i punkt 20.5.3 og tolkelova § 6.

Samarbeid med heimen er også tema i § 1-3 første ledd. Denne regelen gjeld heile grunnoppplæringa, også for dei som har læretid i bedrift, og for vaksne deltakarar dersom desse er under myndig alder.

*Andre ledd* gir departementet heimel til å fastsetje utfyllande reglar i forskrift om samarbeidet mellom skolen og foreldra. Heimelen er ei vidareføring av dagens regel.

#### Til § 10-4 Skoledemokratiet

Paragrafen er ny og er omtalt i punkt 22.

*Første ledd* slår fast at både elevane og foreldra skal involverast i planlegginga, gjennomføringa og vurderinga av skoleverksemda. Dette inneber at dei skal få delta og medverke og dermed få moglegheita til å påverke utviklinga av skolen. Elevane og foreldra skal få medverke i arbeidet med skolemiljøet, kvalitetsutvikling av opplæringa og fastsettjinga av skoleregular, og kommunane og fylkeskommunane må sørge for at skolen også involverer elevane og foreldra i andre delar av skoleverksemda som er viktige for dei, som til dømes organiseringa av skoledemokratiet.

Det er ein føresetnad for at elevane skal kunne delta i arbeidet at deltakinga blir tilpassa alderen på elevane. Kravet om at elevane og foreldra skal få delta i planlegginga, gjennomføringa og vurderinga av skoleverksemda, omfattar ikkje foreldra til myndige elevar.

Krava i *andre ledd* om å «leggje til rette for» og «oppmuntre» inneber at skolen må vere aktiv. Kravet om at skolen skal «hjelpe elevane i arbeidet med skoledemokratiet» betyr at skolen må rettleie elevane om korleis dei kan drive elevdemokrati, og støtte dei i arbeidet undervegs.

Med «alle elevane» meiner ein at det ikkje er tilstrekkeleg at skolen legg til rette for at råd og utval ytrar seg og deltek i skoledemokratiet. Skolen må også jobbe aktivt for å skape eit trygt miljø der alle elevane kan ytre seg og delta i skoledemokratiet på ulike måtar, og ikkje berre gjennom elevrepresentantane i brukarorganane. Det må leggjast til rette for at alle elevane får moglegheit til å delta, uavhengig av alder, kjønn, etnisitet, funksjonsnivå eller sosial bakgrunn.

«Skolen» er pliktsubjekt i paragrafen fordi oppfyllinga naturleg skjer på skolenivå. Skolen er ikkje eit eige rettssubjekt, og det er kommunane

og fylkeskommunane som har ansvaret for oppfyllinga, jf. §§ 28-1 første ledd og 28-2 første ledd.

#### *Til § 10-5 Organiseringa av skoledemokratiet*

Paragrafen er ny og erstattar store delar av kapittel 11 i dagens lov. Paragrafen er omtalt i punkt 22.

*Første ledd* handlar om kva organ for brukar-medverknad kommunen og fylkeskommunen skal ha ved skolane sine. Etter *første ledd første punktum* skal det som hovudregel vere eit elevråd ved kvar skole. Det blir samtidig opna for at elevane kan velje å organisere seg på ein annan måte, jf. *første ledd andre punktum*. Kravet om elevråd er ei vidareføring, medan opninga for eit alternativ er nytt. Dersom elevane ønskjer ei anna organisering enn elevråd, må det takast stilling til organiseringa kvart skoleår. Dette har samanheng med at elevmassen endrar seg for kvart år. Korleis elevane ønskjer å organisere seg, kan derfor vere ei naturleg diskusjon ved starten av skoleåret. Same korleis elevane vel å organisere elevdemokratiet, ligg det i ansvaret i § 10-4 andre ledd at kommunen og fylkeskommunen må legge til rette for og støtte opp under elevdemokratiet. Ein måte å støtte elevdemokratiet på kan vere å gi ein av dei tilsette ved skolen ansvaret for å hjelpe elevane med elevrådet eller den alternative organisasjonsforma.

*Første ledd tredje punktum* er nytt og inneber at kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at det blir fastsett kva for andre brukarorgan skolane skal ha. Det er opp til kommunane og fylkeskommunane om mynde til å ta avgjelder om brukarorgan blir delegert. Regelen gir kommunen og fylkeskommunen fridom til å vurdere kva brukarorgan som fungerer best på eigne skolar. Organiseringa dei vel å ha, må vere eigna til å vareta medverknad etter § 10-4. Elevane og foreldra skal få vere med på å planleggje og vurdere korleis skoledemokratiet skal organiserast, og kva brukarorgan ein bør ha. Dette inneber ikkje at kommunen og fylkeskommunen må sørge for at det blir fastsett ei ny organisering av skoledemokratiet kvart år.

*Andre ledd første punktum* handlar om representasjon i brukarorgana ved skolen. Ved grunnskolar skal både elevane og foreldra vere representerte i organ, mens elevane skal vere representerte i organ ved vidaregåande skolar. Dette inneber at kommunen må sørge for at det i grunnskolar er eit organ der også foreldra er representert. Regelen i *andre ledd andre punktum* gir elevane møte- og talerett i drøftinga av alle pedagogiske og administrative saker som gjeld interessene til

elevane, parallelt med dei rettane dei tilsette har med heimel i § 13-4 i kommunelova.

Skolereglane skal ha reglar om organiseringa av skoledemokratiet, jf. § 10-7 første ledd. Kva for brukarorgan kommunen og fylkeskommunen har ved skolane sine, skal komme fram av skolereglane.

#### *Til § 10-6 Elevane si plikt til å delta og kommunen og fylkeskommunen sin oppfølgingsplikt*

Paragrafen erstattar delvis dagens lov §§ 2-3 fjerde ledd og 3-4 andre ledd og er omtalt i punkt 13.

*Første ledd første punktum* pålegg elevane ei plikt til å vere aktivt med i opplæringa og følgje skolereglane som er gjevne i medhald av § 10-7. Plikta til å delta aktivt i opplæringen kan til dømes innebere at eleven skal møte punktleg til timane, utføre gjeremål, levere innleveringar, og vere oppmerksam i timane uten å vere på sosiale media eller forstyrre undervisninga. Skolen skal organisere og gjennomføre opplæringa slik at det er mogleg for elevane å delta aktivt.

Regelen er ikkje til hinder for at enkeltelevar på grunn av sjukdom eller funksjonsnedsetjing blir friteken frå enkelte delar av opplæringstilboden eller får opplæringa i ei anna form.

Reaksjonar som skal kunne brukast som tiltak ved brot på plikta i § 10-6, må fastsetjast i skolereglane. Skoleregler blir fastsette av kommunane og fylkeskommunane med heimel i § 10-7.

*Første ledd andre punktum* pålegg kommunen og fylkeskommunen ei plikt til å sørge for at elevar med fråvær frå opplæringa blir følgde opp. Plikta til å følgje opp gjeld alt fråvær og frå første dag ein elev er borte frå opplæringa, og kommunen og fylkeskommunen bør ha gode rutinar og system for registrering av ulike typar fråvær, for avdekking av fråværsmønster, for oppfølging av fråverande elevar og for samarbeid med heimen. Det er oppgåva om å sørge for at fråværet til elevane blir følgde opp, som gir rammene for kva opplysningar som kan behandlast, og i kva utstrekning. Det følger av § 25-1 første ledd at personopplysninga kan behandlast berre så langt det er nødvendig for den konkrete oppgåva eller plikta.

Kommunen og fylkeskommunen avgjer sjølv korleis elevane skal følgjast opp, men korleis elevane blir følgde opp, må sjåast i samanheng med årsaka til fråværet og kor langvarig og hyppig fråværet er. Oppfølginga må vere eigna til å oppfylle formålet med lovfestinga av regelen, som er å arbeide for meir nærvær i skolen og å betre moglegheita til den enkelte elev til å fullføre og bestå grunnskolen og den vidaregåande opplæringa.

Plikta må også sjåast i lys av pliktene kommunen og fylkeskommunen har etter reglane om skolemiljø, sjå punkt 33, og tilpassa undervisning, sjå punkt 24.

For å kunne førebygge ytterlegare fråvær, vil det ofte vere nødvendig å avdekke og følgje opp bakgrunnen for fråværet. Kortare og enkeltståande fråvær vil ofte berre krevje at skolen tar imot informasjon om årsaka til at eleven er borte, til dømes ved å ta imot ei melding frå foreldra til eleven om at eleven er sjuk. I mange tilfelle vil det ikkje vere behov for nærmare oppfølging frå skolen, til dømes når årsaka til fråværet er influensa eller andre vanlege helseutfordringar som går over av seg sjølv. I andre tilfelle kan det vere behov for meir oppfølging sjølv om fråværet er kort. Det gjeld særleg dersom fråværet er gjentakande. Hyppig eller langvarig fråvær vil særleg kunne krevje individuelt tilpassa tiltak for at opplæringsretten og -plikta skal kunne varetakast. Kommunen og fylkeskommunen bør vere særleg merksame på elevar som ikkje møter til første skoledag etter sommarferien, og ha rutinar for dette.

Oppfølgingsplikta til kommunen må sjåast i lys av opplæringsplikta, jf. § 2-2. Oppfølgingsplikta til fylkeskommunen må sjåast i samanheng med forskriftsreglar om fråvær gitt i medhald av § 5-4 andre ledd tredje punktum. Fråvær som medfører tap av rett til vurdering, får store konsekvensar for eleven, og skolen må prøve å finne tiltak som kan hjelpe elevane å unngå å hamne i ein slik situasjon.

*Andre ledd første punktum* gir eit rettsleg grunnlag for at kvar enkelt skole kan gi elevane skoleoppgåver utanfor skoletida, ofte omtalt som lekser. Det er berre skolen som kan påleggje elevane å gjere lekser. Det betyr at andre i administrasjonen frå kommunen eller fylkeskommunen og dei folkevalde organa ikkje kan avgjere om ein skole skal gi lekser, men dei kan bestemme at skolane skal vere leksefrie. Det er inga plikt for skolen til å gi lekser sjølv om paragrafen opnar for at lekser kan givast. Dersom det ligg føre ei avgjerd frå kommunen eller fylkeskommunen om at skolane skal vere leksefrie, vil ikkje skolane kunne bruke lekser som undervisningsform. Val av lekser skal byggje på ei fagleg-pedagogisk vurdering på den enkelte skolen. Vurderinga av om det skal givast lekser eller ikkje, er opp til skolen og er ei skjønnsmessig vurdering (med mindre kommunen har bestemt at skolane skal vere leksefrie). Dette er eit forvaltingsskjønn som tilsynsmakta og domstolane ikkje kan overprøve. Tilsynsmakta og domstolane kan overprøve om opplæringa er i samsvar med læreplanverket, og

om retten eleven har til kvile og fritid, er oppfylt, sjå nedanfor. Kommunane og fylkeskommunane kan i skolereglane, jf. § 10-7, fastsetje reglar om bruk av tiltak dersom elevar ikkje gjer lekser som skolen har pålagt.

Opplæringa skal vere i samsvar med læreplanverket, sjå §§ 2-3 og 5-4, og skolen skal ha aktivitar som bidreg til at elevane kan nå kompetanse-måla. Lekser kan vere ein del av det pedagogiske arbeidet til skolen med opplæring i faga og er ein av fleire moglege arbeidsmåtar i skolen. Lekser som blir gitt, skal inngå i ein pedagogisk samanheng og tilpassast elevane i tråd med tilrådingane som kjem fram frå forsking. Prinsippa om tilfredsstillande utbytte av opplæringa og tilpassa opplæring gjeld også for lekser, jf. §§ 11-1 og 11-2. Kommunane og fylkeskommunane skal sørge for at opplæringa blir lagd til rette og blir tilpassa evnene og føresetnadene til den enkelte eleven. Medverknad og eit godt samarbeid mellom heimen og skolen er viktig for å tilpasse leksene etter evnene og føresetnadene til elevane.

Det følgjer av *andre ledd andre punktum* at det skal takast omsyn til retten elevane har til kvile og fritid, når elevane blir pålagde å gjere lekser. Dette kravet må forståast i lys av retten barnet har til kvile og fritid etter barnekonvensjonen artikkel 31. Det er kommunane og fylkeskommunane som er rettsleg ansvarlege og skal sørge for at skolen tek omsyn til retten elevane har til kvile og fritid. I praksis vil det likevel vere skolen som må sørge for at elevane får tilstrekkeleg kvile og fritid når lærarane gir lekser, mellom anna ved å sjå på den samla belastinga av heimearbeid til elevane. I og med at lekser verkar inn på fritida til elevane, er det viktig at det blir lagt til rette for medverknad når det blir avgjort kor mykje lekser som kan givast. Lærarane bør samarbeide og planleggje i fellesskap for å unngå at elevane får ei for høg belastning av lekser. Lekser som varetok retten til kvile og fritid for dei fleste elevane i ein klasse, kan likevel gå ut over retten enkelte elevar har til kvile og fritid, og skolen må ta omsyn til dette.

#### Til § 10-7 Skoleregler

Paragrafen vidarefører i hovudsak dagens lov § 9 A-10 og er omtalt i punkt 34.2.

*Første ledd* pålegg kommunane og fylkeskommunane å vedta skoleregler for kvar skole. Skolereglane kan vere felles for alle skolane. Kommunane og fylkeskommunane kan også vedta nokre reglar som er felles for alle skolane, og nokre reglar som berre gjeld for enkeltskolar. Det er elles opp til kommunane og fylkeskommunane

om mynde til å ta avgjelder blir delegert, og korleis elevane blir tekne med på avgjerdene. Krava til medverknad og skoledemokrati, sjá §§ 10-2 til 10-5, stiller likevel krav om både nærliek til og aktiv deltaking i avgjelder. Departementet viser spesielt til forslaget til reglar om skoledemokratiet i § 10-4, hvor det uttrykkeleg er fastsett at skolen skal sørge for at elevane og foreldre får vere med på å planlegge, gjennomføre og vurdere blant anna arbeidet med å fastsetje skoleregler.

Kjerneområdet for skolereglane er på skoleområdet i skoletida. Skolereglane kan også gjerast gjeldande for bruk av den digitale infrastrukturen til skolen, også utanfor skoletida.

Internat vil ikkje vere dekte av skolereglane, sjølv om dei blir drivne av kommunen eller fylkeskommunen og elevar bur der. Reglar for orden og oppførsel på internatet, og reaksjonar ved brot på desse, må eventuelt regulerast i eigne regelverk for internatet eller vere del av bebuarkontrakten.

Skolereglane må vedtakast i form av ei forskrift. I forvaltningslova kapittel VII er det krav til forskrifter, mellom anna krav til prosess, form og kunngjering. Skolereglane skal kunngjera i Norsk Lovtidend, jf. forvaltningslova § 38 første ledd bokstav c.

Alle skoleregler skal ha reglar om «organisering av skoledemokratiet», til dømes om elevråd, foreldremedverknad, allmøte osv., jf. §§ 10-4 og 10-5. Vidare skal alle skoleregler ha reglar om «rettar og pliktar for elevane, mellom anna om orden og oppførsel». Reglane kan ikkje avgrense rettane til elevane etter lova eller nasjonale forskrifter i medhald av lova. Det er elles opp til kvar enkelt kommune, fylkeskommune eller skole å avgjere kva reglar ein ønsker å ha i skolereglane.

Skolereglane skal skrivast slik at elevane kan forstå dei. Dette stiller krav til språket i skolereglane og utforminga elles. Skolereglane har først og fremst elevane som målgruppe. Dersom det skal vere mogleg for elevane å orientere seg om rettane og pliktene sine, må dei vite om at det finst skoleregler, og reglane må vere lette å forstå. Skoleregler som rettar seg mot yngre elevar, må formast ut enklare enn reglar som rettar seg mot eldre elevar, til dømes elevar i vidaregåande skole.

*Andre ledd* peikar på at kommunane og fylkeskommunane kan velje å ta inn i skolereglane kva tiltak som kan brukast når elevar bryt reglane, og korleis slike saker kan behandlast. Dersom ein kommune eller fylkeskommune ønsker å kunne bruke tiltak ved brot på forbodet mot ansiktsdekjkjande plagg i § 27-2, må dette fastsetjast i skolereglane. Tilsvarande gjeld for brot på plikta til å vere aktivt med i opplæringa etter § 10-6 første ledd før-

ste punktum. Skolen kan berre bruke «tiltak», det vil seie reaksjonar, mot elevar som bryt skolereglane, som er fastsette i skolereglane. Det må likevel avgrensast mot mindre inngripande tiltak, som følgjer av retten skolen har til å organisere og leie undervisninga. Desse treng ikkje fastsetjast i skolereglane. Døme på slike tiltak kan vere at to elevar ikkje lenger får sitje ved sida av kvarandre, at elevar må bytte aktivitet eller får beskjed frå lærar om å leggje vekk mobiltelefonen. Skolen kan også endre klasseinndelinga, altså flytte elevar mellom klassar og grupper, med det formålet å gi elevane eit betre læringsutbytte.

Fysisk refs eller anna krenkjande behandling av elevane er ikkje lov. Dette utgjer både ei ytre grense for kva tiltak som kan fastsetjast i skolereglane, og ei tydeleg grense for kva som er akseptable og lovlege tiltak å setje inn overfor elevane.

Elevane har rett til å bli høyrde før det blir teke ei avgjerd om tiltak, jf. § 10-2 første ledd andre punktum.

#### *Til § 10-8 Informasjon til elevane og foreldra*

Paragrafen vidarefører informasjonsplikta som mellom anna går fram av dagens lov §§ 2-3 a, 9 A-9 og 9 A-10 og dagens forskrift til opplæringslova kapittel 20, og samlar informasjonsplikta i éin paragraf. Paragrafen er omtalt i punkt 19.

Paragrafen gir skolen ei generell informasjonsplikt. Skolen skal sørge for at elevar og foreldre får den informasjonen dei treng. I dette ligg det eit krav om ei aktiv og kontinuerleg informering. Det er skolen som i praksis må vareta informasjonsplikta på vegner av kommunen eller fylkeskommunen.

Elevar og foreldre har rett til informasjon og rettleiring om relevante reglar, særleg rettar og pliktar. Informasjonsplikta skal sikre at elevane og foreldra får nok informasjon til å vurdere om rettane til elevane er oppfylte. Skolen skal til dømes informere om rettane som gjeld det psykososiale og fysiske skolemiljøet, om skolereglane, om fri-tak frå opplæringsplikta, om rutinar og det daglege arbeidet. Det går eksplisitt fram av andre punktum at skolen skal informere om retten til opplæring i og på samisk. Skolen skal også informere om andre språkrettar. Skolen skal også gi all annan informasjon som er nødvendig for å gi god innsikt og grunnlag for aktiv deltaking frå elevane og foreldra si side.

Paragrafen stiller både krav til den *generelle* informasjonen som blir gitt elevane og foreldra, og til den *spesifikke* informasjonen som blir gitt til

enkeltelevar og foreldre i samband med konkrete saker.

Til dømes skal skolen årleg informere elevar og foreldre om reglane for fritak frå aktivitetar som ut frå eigen religion eller livssyn blir opplevd som støytande eller som utøving av ein annan religion, og om innhaldet i opplæringa og om rettane deira som gjeld skolemiljø. Elevar og foreldre skal varslast snarast mogleg dersom skolen blir kjend med at noko ved skolemiljøet kan vere til skade for helsa til elevane. Elevråd og andre brukarorgan må mellom anna få informasjon om alt som er viktig for skolemiljøet. Ordensreglementet skal også gjerast kjent for elevar og foreldre.

I konkrete saker skal barnet mellom anna informerast om saka/situasjonen, kva informasjon dei vaksne har, og frå kven, kva val og avgjærder som kan/skal takast, kva alternativ som finst i den aktuelle situasjonen, kva konsekvensar desse vala kan få – kva som vil skje etterpå, og kva som skjer/kan skje med det barnet fortel. Skolen skal også legge til rette for at barnet skal få uttale seg fritt ved å gjere det trygt og respektafullt.

Paragrafen inneber at skolen skal halde løpende kontakt med foreldra gjennom opplæringsåret, og at informasjonen skal givast utan ugrunna opphold.

Det er ikkje fastsett krav til nærmere tidspunkt, form eller innhald. Skolane kan til dømes gi informasjonen på foreldremøte, i klassen, på nettstaden til skolen, gjennom læringsplattformer eller på e-post. Det blir føresett at skolane finn ein eigna måte å gjere dette på, som sikrar at formålet med plikta blir oppfylt. Skolane kan ikkje basere seg på at barn vidareformidlar informasjon til foreldra. Dersom informasjon blir send med elevane eller elevane blir bedne om å informere foreldra, må skolen forsikre seg om at informasjonen er gitt foreldra. Informasjonen skal givast til elevane og foreldra.

Det er viktig at informasjonen blir gjort tilgjengeleg for alle som skal få han. Dette inneber mellom anna at informasjon om reglane må givast på ein forståeleg måte, og at skolen må vurdere om det er nødvendig med tolk. Det bør også takast omsyn til at mange barn har delt bustad, og at informasjonen må nå begge heimane. Informasjonen som blir gitt, må vere forståeleg og tilpassa. Dette kan bety å omsetje informasjonen til eit språk foreldra og føresette forstår, og i nokre tilfelle at informasjonen må givast munnleg.

#### *Til § 10-9 Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG)*

Paragrafen vidarefører innhaldet i dagens lov § 11-9 og i dagens forskrift § 20-2. Paragrafen er omtalt i punkt 48.

*Første ledd* slår for det første fast at FUG er eit sjølvstendig rådgivande organ for departementet i saker som gjeld samarbeidet mellom skole og heim. FUG skal vareta interessene til foreldra og fremje ein open og god dialog i saker som vedkjem FUGs fagområde. FUG kan også gi råd til og gjere perspektivet til foreldra kjent overfor andre offentlege styresmakter og aktørar. FUG kan sjølv ta initiativ til å fremje saker og synspunkta sine. Forutan å gi høyningsfråsegner, råd og innspel til departementet og eventuelt andre offentlege styresmakter, er ei viktig oppgåve for utvalet å gi informasjon og rettleiing til foreldre og tilsette på skolen. FUG har ikkje noko formelt mynde, heller ikkje eigne innsynsheimlar e.l.

*I andre ledd* kjem det fram at det er departementet som nemner opp kvart utval. Det er vidare presisert at kvart utval blir nemnt opp for fire år av gongen og skal ha ein leiar, nestleiar og fem andre medlemmer. Departementet bør sørge for at kvart utval har ei variert og brei samansetning med utvalsmedlemmer som har ulik relevant bakgrunn, og som er frå ulike delar av landet. Partipolitisk tilhørsel bør ikkje påverke kven som blir nemnde opp. Departementet skal sørge for god dialog med og oppfølging av FUG.

#### Kapittel 11 Tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging

##### *Til § 11-1 Tilpassa opplæring*

*Første punktum* gjer greie for den overordna plikta skolen har til å sørge for at elevane får tilpassa opplæring, og er i hovudsak ei vidareføring av dagens lov § 1-3. Paragrafen er omtalt i punkt 24.

At opplæringa skal vere tilpassa, inneber at opplæringa – innanfor eit fellesskap – skal utformanst og leggjast til rette på ein slik måte at alle elevar kan få eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Med tilpassa opplæring siktar ein til ei fagleg, metodisk og sosial utforming av opplæringa slik at elevane får realisert potensialet sitt i så stor utstrekking som mogleg innanfor fellesskapet, og formålet er at opplæringa tek høgd for å unngå unødvendige særlysingar for enkeltindivid. Skolen må ta høgd for at elevane har ulike evner, potensial, føresetnader og behov. Det inneber mellom anna at skolen må jobba aktivt for å inkludere alle elevane i klassen, både sosialt og fagleg,

og ha strategiar for at alle skal kunne delta aktivt. Paragrafen gir kommunen ei plikt, men korresponderer ikkje med ein tilsvarande rett for elevane. Dette betyr mellom anna at det ikkje skal gjerast enkeltvedtak om tilpassa opplæring. Paragrafen gir kommunen, fylkeskommunen og skolen eit profesjonelt handlingsrom, men rammene i lova må følgjast.

Kva som er tilfredsstillande utbytte av opplæringa, er ei skjønnsmessig vurdering, som byggjer på fagleg-pedagogiske vurderingar. Moment her kan vere meistrings- og funksjonsnivået, læringsføresetnadene og utviklinga til elevane. Desse momenta må sjåast opp mot forventa kompetanse-mål i læreplanverket, eventuelt i individuelle opplæringsplanar. Det er ikkje noko eintydig kriterium for kva som er tilfredsstillande utbytte, og det må vurderast konkret. Plikta er broten når utbyttet til elevane ikkje er tilfredsstillande. Nemninga *tilfredsstillande* krev likevel ikkje at skolane sikrar optimalt utbytte av opplæringa. Tanken med denne rettslege standarden, som kan variere over tid og med endringar i kva som er fagleg god praksis, er å sikre at plikta og retten til opplæring blir reell. Å avgjere kva som er tilfredsstillande utbytte, er eit lovbunde skjønn.

*Andre punktum* vidarefører dagens reglar i § 1-3 om at opplæringa skal tilpassast også for dei som har læretid i bedrift.

#### Til § 11-2 Tilfredsstillande utbytte av opplæringa

Paragrafen er i hovudsak ei vidareføring og samanstilling av plikter kommunen og fylkeskommunen har etter dagens reglar, mellom anna etter § 5-4 første ledd andre og tredje punktum i dagens lov.

Paragrafen er omtalt i punkt 24 og inneholder plikter som er ledd i eit handlingsforløp som går ut på at kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at lærarane følgjer med på utviklinga til elevane og melder frå til rektor når det er tvil om ein elev har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Om det må til, det vil seie dersom eleven ikkje får tilfredsstillande utbytte av opplæringa med dei eventuelle tilpasningane som allereie er gjort, må skolen setje i verk eigna tiltak innanfor tilpassa opplæring. Tiltaka kan både gjelde utforminga av opplæringa eller tilbod om intensiv opplæring og ulike former for tilrettelegging. Skolen skal evaluere om tiltaka som blir sette inn, gir eleven eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa, eller om andre tiltak eller former for tilrettelegging er nødvendig.

«Skolen» er brukt som subjekt i første ledd andre punktum og andre ledd fordi oppfyllinga naturleg skjer på skolenivå. Skolen er ikkje eit eige rettssubjekt, og det er kommunen og fylkeskommunen som har ansvaret for oppfyllinga, jf. §§ 28-1 første ledd og 28-2 første ledd.

#### Til § 11-3 Intensiv opplæring på 1. til 4. trinn

Paragrafen vidarefører innhaldet i dagens lov § 1-4, og er omtalt i punkt 24.

*Første punktum* slår fast at kommunen skal sørge for at elevar på 1. til 4. trinn som står i fare for ikkje å ha forventa prosesjon i lesing, skriving eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring. Intensiv opplæring er ein del av den ordinære tilpassa opplæringa, men er kjenneteikna av kortvarig og målretta innsats frå skolen i lesing, skriving og rekning for elevar som treng det. Elevane skal ikkje ha avvik frå kompetanse-mål i læreplanverket, men skal setjast i stand til å følgje ein alminneleg prosesjon i undervisninga. Elevar som treng avvik frå kompetanse-mål i læreplanverket, eller som ikkje får tilfredsstillande utbytte av opplæringa trass i den ekstra innsatsen, kan ha rett til individuell tilrettelegging etter §§ 11-4, 11-5 og 11-6.

Paragrafen gir kommunen ei plikt, men korresponderer ikkje med ein tilsvarande rett for elevane. Dette betyr mellom anna at det ved intensiv opplæring ikkje skal gjerast enkeltvedtak. Paragrafen gir kommunen og skolen eit profesjonelt handlingsrom, men rammene i lova må følgjast.

*Andre punktum* slår fast at dersom det er til det beste for eleven, kan den intensive opplæringa i ein kortare periode bli gitt som eineundervisning, jf. også § 10-1. Elles gjeld dei ordinære reglane for organisering av opplæringa, sjå § 14-2.

#### Til § 11-4 Personleg assistanse

Paragrafen er ei delvis vidareføring av dagens lov § 5-1 og er omtalt i punkt 25.

Paragrafen vidarefører retten elevar har til personleg assistanse dersom eleven treng dette for å delta i opplæringa og få tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Med personleg assistanse er det meint praktisk hjelp og bistand frå ein person (assistent) som kan følgje med og hjelpe eleven i skolekvarden. Assistansen kan variere både i omfang og oppgåver og kan til dømes vere hjelp til å følgje med i opplæringa, sosiale aktivitetar i fri-minuttet, kommunikasjon, flytting, bering av sekk og utstyr, av- og påkleding, måltid og toalettbesøk.

Personleg assistanse kan givast av personar som ikkje er tilsette i lærarstilling.

Ein elev kan i tillegg ha rett til personleg assistanse etter helse- og omsorgstenestelova. Hjelp frå ein assistent kan følgjeleg reknast som ein del av opplæringa i nokre samanhengar og som helse- og omsorgstiltak i andre samanhengar, men opplæringslova gir ikkje elevane rett til brukarstyrt personleg assistanse (BPA). Retten til personleg assistanse etter opplæringslova omfattar ikkje behandling eller andre helse- og omsorgstenester. Departementet viser til omtalen i NOU 2019: 23, punkt 31.3.4.

Saksbehandlingsreglane i forvaltningslova skal følgjast når det skal gjerast vedtak om personleg assistanse. Det er ikkje eit krav at det skal ligge føre ei sakkunnig vurdering frå den pedagogisk-psykologiske tenesta (PP-tenesta) før kommunen eller fylkeskommunen gjer vedtak om personleg assistanse. Kravet i forvaltningslova § 17 gjeld like fullt. Ifølgje forvaltningslova § 17 skal saka vere «så godt opplyst som mogleg før vedtak treffest». Dette kravet kan i nokre tilfelle gjere det nødvendig med ei vurdering frå PP-tenesta eller andre sakkunnige.

Det er kommunen og fylkeskommunen som har ansvaret for å oppfylle retten til personleg assistanse for elevar i høvesvis grunnskolen og vidaregåande opplæring. Retten reknast som ein del av retten til grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring, og ansvaret til kommunen og fylkeskommunen følgjer av §§ 28-1 og 28-2.

#### *Til § 11-5 Fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpe-middel*

*Første ledd* er ei delvis vidareføring av dagens lov §§ 5-1, 2-14 og 3-10 og er omtalt i punkt 25 og 32.

Paragrafen inneber at elevar som har behov for tilrettelegging av arbeidsplassen eller klasserommet for å få tilfredsstillande utbytte av opplæringa, har rett til fysisk tilrettelegging. Slik tilrettelegging kan mellom anna omfatte tekniske hjelpe-middel, inventar, teknisk utstyr og programvare og nødvendig opplæring for at eleven skal kunne bruke utstyret. Om eleven har behov for opplæring i bruk av tekniske hjelpe-middel, må vurderast ut frå både medisinfagleg og skolefagleg kunnskap og erfaring. Dessutan har det betydning kva eleven og foreldra meiner, og det beste for eleven skal vere eit grunnleggjande omsyn, jf. §§ 10-1 og 10-2. Første ledd vidarefører også retten blinde og sterkt svaksynte elevar har til nødvendig opplæring i tekniske hjelpe-middel, jf. dagens lov §§ 2-14 og 3-10.

Kommunane og fylkeskommunane har ansvaret for å stille til rådvelde dei hjelpe-middla og det utstyret som er nødvendig for at elevane skal få tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Det må skiljast mellom pedagogiske hjelpe-middel, som kommunane og fylkeskommunane har ansvaret for, og tekniske hjelpe-middel, som NAV Hjelpe-middel-sentralen kan vere ansvarleg for. Kommunane og fylkeskommunane vil uansett ha eit ansvar når utstyr ikkje blir dekt av NAV og hjelpe-middellet er nødvendig for at eleven skal få tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Elevar kan også ha rett til fysisk tilrettelegging etter § 12-7 første ledd.

*Andre ledd* vidarefører delar av dagens lov §§ 2-14 og 3-10 og er omtalt i punkt 32.

Vilkåret for å få rett til opplæring i mobilitet er at eleven er blind eller sterkt svaksynt. Om eleven har behov for opplæring i mobilitet, må vurderast ut frå både medisinfagleg og skolefagleg kunnskap og erfaring. Dessutan har det betydning kva eleven og foreldra meiner, og det beste for eleven skal vere eit grunnleggjande omsyn, jf. §§ 10-1 og 10-2.

Mobilitetsopplæringa kan vere knytt både til det å ta seg fram mellom heimen og skolen til eleven, og ta seg rundt på skoleområdet og i heimemiljøet. Skoleområdet skal i denne samanhengen tolkast i vid forstand, noko som inneber at både symjehall, idrettshall, bibliotek og ulike turløyper som skolen bruker, er omfatta. Når det gjeld «heimemiljøet», må opplæringa tilpassast føresetnadene, behovet og ønska til eleven. Omgrepet heimemiljø omfattar at det er mogleg for eleven å ta seg trygt fram til og frå aktivitetar i nærområdet, som til dømes ein fritidsaktivitet eller å besøkje venner.

Elevar med vedtak etter § 11-5 kan samtidig ha rett til opplæring i punktskrift etter §§ 3-5 og 6-4.

Det er kommunen og fylkeskommunen som har ansvaret for å oppfylle retten til fysisk tilrettelegging, tekniske hjelpe-middel og opplæring i mobilitet for elevar i høvesvis grunnskolen og vidaregåande opplæring. Retten reknast som ein del av retten til grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring, og ansvaret til kommunen og fylkeskommunen følgjer av §§ 28-1 og 28-2.

#### *Til § 11-6 Individuelt tilrettelagd opplæring*

Paragrafen er ei delvis vidareføring av dagens lov § 5-1 og er omtalt i punkt 25.

«Individuelt tilrettelagd opplæring» er ny nemning på den delen av dagens spesialundervisning som dreier seg om opplæring.

*Første ledd* slår fast at dersom eleven treng individuelt tilrettelagd opplæring for å få «tilfreds-

stillande utbytte av opplæringa», har eleven rett til individuelt tilrettelagd opplæring. Spørsmålet om eleven treng individuelt tilrettelagd opplæring for å få tilfredsstillende utbytte, kjem an på ei konkret fagleg-pedagogisk vurdering av utbyttet eleven har av opplæringa. Sjå merknadene til § 11-1.

Den pedagogisk-psykologiske tenesta (PTenesta) skal alltid gi ei sakkunnig vurdering før kommunen eller fylkeskommunen gjer vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring, jf. § 11-7.

For elevar som har eit visst utbytte av opplæringa, kan det vere nok å få individuelt tilrettelagd opplæring i nokre timer i veka, i enkelte fag eller delar av fag eller for ein kort periode. For elevar som har svært lite utbytte av opplæringa, eller som ikkje har utbytte i det heile, må større delar eller heile opplæringa leggjast særskilt til rette.

Elevar som har føresetnader for å lære raskare og meir enn gjennomsnittet, har ikkje rett til individuelt tilrettelagd opplæring. Kommunane og fylkeskommunane skal likevel tilpasse opplæringa slik at ho skaper eit tilfredsstillande opplæringstilbod for alle, inkludert elevar med stort potensial for læring, jf. § 11-1. Elevar i grunnskolen med stort læringspotensial og som lærer raskare enn gjennomsnittet, kan fritakast heilt eller delvis frå opplæringsplikta dersom særlege grunnar taler for det, foreldra samtykkjer og det ligg føre ei sakkunnig vurdering, sjå § 2-2 tredje ledd. På ungdomstrinnet er det mogleg for elevar å ta fag frå eit høgare nivå (forsering i fag). Det finst også ordningar som gjer at elevar i vidaregåande kan ta fag på universitets- eller høgskolenivå.

Elevar som har vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring, kan samtidig ha rettar etter andre reglar i lova. Det kan mellom anna vere rett til personleg assistanse etter § 11-4, fysisk tilrettelegging etter § 11-5, opplæring i og på norsk teiknsspråk etter §§ 3-4 og 6-3, opplæring i punktskrift etter §§ 3-5 og 6-4, opplæring i mobilitet etter § 11-5 andre ledd eller særskild språkopplæring etter §§ 3-6 og 6-5.

Det er kommunen og fylkeskommunen som har ansvaret for å oppfylle retten til individuelt tilrettelagd opplæring for elevar i hovedsvis grunnskolen og vidaregåande opplæring. Retten reknast som ein del av retten til grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring, og ansvaret til kommunen og fylkeskommunen følgjer av §§ 28-1 og 28-2.

*Andre ledd* vidarefører delar av dagens § 5-1 andre ledd. Prinsippet om likeverdig opplæring er utgangspunktet for vurderinga av kva den individuelt tilrettelagde opplæringa skal gå ut på. Det vil seie at elevar med behov for individuelt tilrettelagd opplæring har krav på eit opplæringstilbod

som er likeverdig med det tilbodet andre elevar får. Ein må forstå prinsippet slik at eit opplærings-tilbod er likeverdig når elevar som får individuelt tilrettelagd opplæring, har dei same sjansane for å nå dei måla som er realistisk å setje for dei, som andre elevar har for å realisere måla sine med det ordinære opplæringstilboden. Sjå merknad til § 5-1 andre ledd i Ot.prp. nr. 46 (1997–98). Presiseringa i dagens § 5-1 andre ledd siste punktum om at elevar som får spesialundervisning, skal ha det same totale undervisningstimetalet som gjeld for andre elevar, er tatt bort, sidan dette følgjer av reglane i § 1-6. Elevar som får individuelt tilrettelagd opplæring, har krav på det same totale undervisnings-timetalet som andre elevar.

#### *Til § 11-7 Vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring og krav om sakkunnig vurdering*

Paragrafen vidarefører delar av dagens lov §§ 5-3, 5-4 og 5-5 og er omtalt i punkt 25 og 27.

*Første ledd* er ei vidareføring av dagens § 5-3 første ledd. Den sakkunnige vurderinga frå den pedagogisk-psykologiske tenesta er rådgivande. Tenesta har ikkje mynde til å gjere enkeltvedtak. At det ligg føre ei sakkunnig vurdering, er likevel eit vilkår for å gjere vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring. Det er kommunen eller fylkeskommunen som gjer vedtak om ein elev har krav på individuelt tilrettelagd opplæring, og om innhaldet i denne opplæringa. Dersom ein elev sjølv eller foreldra til eleven meiner at ho eller han ikkje får tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa, kan dei krevje at kommunen eller fylkeskommunen gjennom eit enkeltvedtak tek stilling til om eleven har krav på individuelt tilrettelagd opplæring.

*Andre ledd første og andre punktum* er ei vidareføring av dagens § 5-3 fjerde ledd. Kommunen og fylkeskommunen har ei særskild grunngivningsplikt dersom dei fråvik tilrådinga i den sakkunnige vurderinga.

*Andre ledd tredje punktum* vidarefører og klar-gjer innhaldet i dagens § 5-5 første ledd første punktum. Regelen slår fast at det i vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring kan gjerast unntak frå reglane i lova om innhaldet i opplæringa, det vil seie at det mellom anna kan gjerast unntak frå kompetansemåla i læreplanane, men berre dersom det er grunngitt i føresetnadene til eleven og i fagleg-pedagogiske vurderingar. Det kan også gjerast unntak frå reglane om organiseringa av opplæringa. Kva unntak som kan gjerast når det gjeld kompetanse, er regulert i § 11-9 andre og tredje ledd. Moglegheita kommunen og fylkes-

kommunen har til å gjøre unntak, er eit forvaltingsskjønn, men vurderinga av om vilkåra er oppfylte, er eit lovbunde skjønn.

*Tredje ledd* vidarefører dagens § 5-4 andre ledd første punktum og tredje ledd. Om det er foreldra eller eleven som må samtykkje, følgjer av § 24-5 og barnelova § 32, som seier at barn som har fylt 15 år, sjølv avgjer spørsmål om val av utdanning. Regelen inneber at ungdom som har vorte 15 år, sjølv må samtykkje før det blir utarbeidd ei sak-kunnig vurdering, og før det blir gjort vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring. Samtykket til foreldra er i slike tilfelle ikkje nødvendig, og foreldra har heller ikkje noko mynde i denne samanhengen. Når eleven er yngre enn 15 år, er det foreldra som gir samtykke, men dei har plikt til å ta barnet med på råd etter barnelova § 31.

Den pedagogisk-psykologiske tenesta pliktar å rádføre seg med eleven og foreldra i arbeidet med å utforme tilbodet om individuelt tilrettelagd opplæring. Sjå også § 10-2 om retten eleven har til å medverke, og § 10-3 om plikta skolen har til å samarbeide med foreldra. Dette vil også gjelde i oppfølginga av den individuelt tilrettelagde opplæringa.

#### *Til § 11-8 Kva den sakkunnige vurderinga skal innehalde*

Paragrafen er ei delvis vidareføring av dagens § 5-3 andre ledd og er omtalt i punkt 25.

Paragrafen fastset eit minimum av kva den sakkunnige vurderinga frå den pedagogisk-psykologiske tenesta (PP-tenesta) skal innehalde av opplysningars og vurderingar.

Etter paragrafen skal PP-tenesta mellom anna alltid greie ut kva tiltak som kan gi eleven tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Det inneber at det er den opplæringa som klassen får, som skal vere hovudløysinga, jf. § 11-1. PP-tenesta skal ta stilling til om, og i så fall korleis, denne opplæringa kan leggjast til rette slik at ho kan gi eleven tilfredsstilande utbytte av opplæringa. PP-tenesta skal også alltid ta stilling til om eleven treng individuelt tilrettelagd opplæring, jf. § 11-7 første ledd andre punktum.

Kor omfattande ei sakkunnig vurdering skal vere, må vurderast i det enkelte tilfellet. Dersom eleven til dømes har behov for hjelp eller støtte frå ein person med ein særskild kompetanse, skal dette komme fram i den sakkunnige vurderinga frå PP-tenesta. Dette gjeld uavhengig av om det er aktuelt å gjøre unntak frå kompetansekrava, jf. § 11-9 andre og tredje ledd.

#### *Til § 11-9 Krav om kompetanse for å gi individuelt tilrettelagd opplæring*

Det tredje ledet til paragrafen vidarefører dagens lov § 5-5 tredje ledd. Elles er paragrafen ny og er omtalt i punkt 25.

*Første ledd* presiserer hovudregelen om at det er dei same formelle krava til lærarkompetanse for å gi individuelt tilrettelagd opplæring som for å gi anna opplæring.

Etter *andre ledd* kan det gjerast unntak frå hovudregelen i første ledd. Ifølgje regelen kan det gjerast unntak både frå krava som gjeld for å kunne tilsetjast i lærarstilling, og frå krava om at ein lærar må ha relevant kompetanse i faget læraren underviser i. Det er eit vilkår at unntaket vil gi eleven betre individuelt tilrettelagd opplæring. Dersom det skal gjerast unntak, må personen som skal gi individuelt tilrettelagd opplæring ha ei universitets- eller høgskoleutdanning. Denne utdanninga må gjere personen særleg og betre eigna til å vareta behovet til eleven enn ein lærar. Det må vere ei utdanning av eit visst omfang og på eit visst fagleg nivå. Det blir ikkje stilt krav til talet på studiepoeng eller grad, men ei kortvarig utdanning vil sjeldan kunne gjere personen særleg og meir eigna enn ein lærar. Det kan vere at ein elev har behov for å få individuelt tilrettelagd opplæring gitt av til dømes ein audiopedagog, logoped, psykolog eller barnevernspedagog.

*Tredje ledd* vidarefører dagens lov § 5-5 tredje ledd. Regelen gjer det mogleg å gjøre unntak frå krava om relevant kompetanse i faget det blir undervist i, for lærarar som gir individuelt tilrettelagd opplæring, dersom ei konkret vurdering av eleven og den opplæringa som skal bli gitt, tilseier det. Regelen gir berre moglegheit for å gjøre unntak frå kravet om relevant kompetanse i faget, men det kan ikkje gjerast unntak frå kompetansekrav for å kunne bli tilsett i lærarstilling. Sjå også merknad til § 5-5 tredje ledd i Prop. 84 L (2011-2012).

#### *Til § 11-10 Individuell opplæringsplan*

Paragrafen er ei vidareføring av dagens lov § 5-5 første ledd andre og tredje punktum og er omtalt i punkt 25.

«Skolen» er brukt som pliktsubjekt i denne regelen fordi oppfyllinga naturleg skjer på skolenivå. Skolen er ikkje eit eige rettssubjekt, og det er kommunen eller fylkeskommunen som har ansvaret for at elevar som får individuelt tilrettelagd opplæring, får ein individuell opplæringsplan (IOP), jf. §§ 28-1 første ledd og 28-2 første ledd.

Den individuelle opplæringsplanen skal ta utgangspunkt i overordna del av læreplanverket og læreplanen i dei ulike faga. Den individuelle opplæringsplanen må samordnast med planen for klassen slik at den individuelt tilrettelagde opplæringa sjåast i samanheng med den opplæringa eleven får totalt.

Ein individuell opplæringsplan skal byggje på det som er fastsett i enkeltvedtaket om individuelt tilrettelagd opplæring, og skal vere eit arbeidsverktøy for lærarane. Den individuelle opplæringsplanen kan ikkje fastsetje noko som ikkje er innanfor rammene av enkeltvedtaket om individuelt tilrettelagd opplæring. Dersom det til dømes ikkje går fram av enkeltvedtaket at eleven skal ha unntak frå læreplanverket, kan ikkje dette fastsetjast i den individuelle opplæringsplanen. Opplæringa følgjer kompetanse mål i læreplanverket med mindre dette går uttrykkjeleg fram av enkeltvedtaket.

Den individuelle opplæringsplanen treng ikkje nødvendigvis å vere eit omfattande dokument. Formålet med planen er å utvikle kortfatta og praktiske planar til hjelp i planlegging, gjennomføring og evaluering av opplæringa.

#### *Til § 11-11 Årleg evaluering av utbyttet av den individuelt tilrettelagde opplæringa*

Paragrafen er ei vidareføring av dagens lov § 5-5 andre ledd og er omtalt i punkt 25.

Skolen skal kvart år gi ei oversikt over kva opplæring eleven har fått, og i tillegg gi ei vurdering av utviklinga til eleven. Utviklinga til eleven skal vurderast ut frå måla som er sette i den individuelle opplæringsplanen til eleven.

I tillegg til den årlege evalueringa har elevane rett til individuell vurdering, det vil seie både undervegsvurdering og sluttvurdering både i fag og orden og oppførsel, jf. § 2-3 andre ledd.

«Skolen» er brukt som pliktsubjekt i regelen fordi oppfyllinga naturleg skjer på skolenivå. Skolen er ikkje eit eige rettssubjekt, og det er kommunen og fylkeskommunen som har ansvaret for oppfyllinga, jf. §§ 28-1 første ledd og 28-2 første ledd.

#### *Til § 11-12 Alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)*

Paragrafen vidarefører dagens lov §§ 2-16 og 3-13 og er omtalt i punkt 26. Paragrafen gir ikkje sjølvstendige rettar, men presiserer det som allereie følgjer av reglane om tilpassa opplæring, retten til

personleg assistanse, fysisk tilrettelegging og individuelt tilrettelagd opplæring.

*Første ledd* slår fast at elevar og dei som har lærerid i bedrift som har behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK), skal kunne bruke dei kommunikasjonsformene og dei kommunikasjonsmidla dei treng som støtte til eller erstatning for munnleg talespråk, og som er nødvendige for den kommunikative og språklege utviklinga til eleven. Døme på kommunikasjonsformer er handteikn, bilete, grafiske symbol og kroppslege uttrykk. Kommunikasjonsmiddele kan vere enkle og papirbaserte eller avanserte og stemmeebaserte. Døme på det første er kommunikasjonsbøker og tematavler. Døme på det sistnemnde er taleboks eller talemaskin som er ei datamaskin med ordtilfang og symbolbankar som kan styrast på ulike måtar (mus, tastatur, hovudmus, augerørsler, andre gestar). Eleven kan kommunisere sjølv via desse kommunikasjonsmidla eller få hjelp av andre. Kva som er best kommunikasjonsform og kommunikasjonsmiddel, varierer ut frå situasjon, alder og utvikling. Val av kommunikasjonsformer og kommunikasjonsmiddel må gjenomførast i nært samarbeid med den som skal uttrykkje seg, jf. §§ 10-1 til 10-2.

*Andre ledd første punktum* slår fast at elevar og lærekandidatar, men ikkje andre som har lærerid i bedrift, har rett til nødvendig opplæring i bruk av kommunikasjonsformer og kommunikasjonsmiddele for å bruke ASK. Opplæringa i ASK må vere nødvendig for at eleven eller lærekandidaten skal vere i stand til å nyttiggjøre seg retten og plikta til grunnskoleopplæring. Elevar og lærekandidatar med behov for ASK vil ikkje automatisk trenge individuelt tilrettelagd opplæring. Opplæring i ASK kan givast både når eleven eller lærekandidaten har vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring, og når dei ikkje får slik tilrettelegging. Opplæringa kan integrerast i fag der dette er tenleg.

*Andre ledd andre punktum* viser til at opplæringa også kan inngå som ein del av den individuelle tilrettelegginga dersom eleven eller lærekandidaten har rett til individuelt tilrettelagd opplæring. Innhaldet i og timetalet må i så fall fastsetjast ut frå det behovet den enkelte har, og på bakgrunn av den sakkunnige vurderinga.

#### *Til § 11-13 Pedagogisk-psykologisk teneste*

Paragrafen erstattar dagens lov § 5-6 og er omtalt i punkt 27.

*Første ledd* er ei vidareføring av dagens § 5-6 første ledd. Kravet om at det skal vere ei eiga teneste, vil seie at kommunane og fylkeskommun-

nane ikkje kan basere seg berre på å kjøpe tenester utanfrå. Etter kommunelova § 17-1 kan to eller fleire kommunar og fylkeskommunar utføre felles oppgåver gjennom eit interkommunalt samarbeid. Det inneber at kommunar kan ha ei felles pedagogisk-psykologisk teneste (PP-teneste).

Det er kommunane og fylkeskommunane som har det juridiske og økonomiske ansvaret for at det finst ei PP-teneste, og at PP-tenesta kan utføre dei lovpålagde oppgåvene sine. Dette føreset at PP-tenesta har nødvendig fagkompetanse og ressursar til å utføre mandatet sitt. Dersom PP-tenesta ikkje har nok fagkompetanse i ei sak, må det innhentast kompetanse utanfrå, til dømes frå statleg spesialpedagogisk teneste (Statped), private sakkunnige eller andre kommunale og fylkeskommunale tenester som til dømes kommune- og spesialisthelsetenesta.

*Andre ledd bokstav a* presiserer derfor at PP-tenesta skal støtte og rettleie skolane i å greie ut behov for tilrettelegging av opplæringa og setje inn tiltak så tidleg som mogleg når det trengst. Dette gjeld uavhengig av – og i forkant og etterkant – av ei eventuell sakkunnig vurdering. Omsynet til det beste for eleven og retten elevane har til å medverke, må varetakast i dette arbeidet, jf. §§ 10-1 og 10-2.

ein generell verdi for alle elevar, bidra til at skolen set i verk tiltak overfor elevar som treng ulike former for oppfølging, så tidleg som mogleg.

*Andre ledd bokstav a* presiserer derfor at PP-tenesta skal støtte og rettleie skolane i å greie ut behov for tilrettelegging av opplæringa og setje inn tiltak så tidleg som mogleg når det trengst. Dette gjeld uavhengig av – og i forkant og etterkant – av ei eventuell sakkunnig vurdering. Omsynet til det beste for eleven og retten elevane har til å medverke, må varetakast i dette arbeidet, jf. §§ 10-1 og 10-2.

*Andre ledd bokstav b* presiserer at PP-tenesta skal hjelpe til med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling slik at opplæringstilboden blir så inkluderande og godt tilrettelagt som mogleg. Dette inneber å gi konkret rettleiding om utfordringar skolen har, og i tillegg bidra med kompetanse om tilrettelegging og inkludering. Det kan handle om å støtte skolen i oppfølginga av gode tilretteleggingsløysingar for elevar som treng det, eller å hjelpe til med kompetanseheving for å supplere kunnskapen til skolen om kva som bidreg til eit inkluderande læringsmiljø og eit godt tilbod for alle. Det betyr likevel ikkje at PP-tenesta skal støtte skolane i arbeidet med kvar enkelt elev, eller at PP-tenesta skal støtte den allmennpedagogiske kompetansen til lærarane. For å sikre at elevane får tilfredsstillande utbytte av opplæringa har skolane etter § 11-2 plikt til å følgje med, melde frå og følgje opp. PP-tenesta skal støtte skolane i dette arbeidet ved behov. Skolane og PP-tenesta må utvikle felles mål, rutinar og planar for samarbeidet og sørge for at dette blir evaluert jamleg.

PP-tenesta skal vere ein aktiv bidragsytar i det tverrfaglege samarbeidet rundt skolen og elevane, jf. samarbeidsplikta i § 24-1.

*Tredje ledd* vidarefører dagens lov § 5-6 andre ledd andre punktum. Regelen uttrykkjer at krav om sakkunnige vurderingar kan komme fram av lova sjølv eller forskrifter gitt med heimel i lova. I slike tilfelle er det PP-tenesta som skal utarbeide den sakkunnige vurderinga. Etter lovforslaget trengst sakkunnig vurdering for det blir gjort vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring etter § 11-6, fritak frå opplæringsplikta etter § 2-2, og tidleg eller utsett skolestart etter § 2-4. Kommunar og fylkeskommunar kan også be om sakkunnige vurderingar der lova ikkje stiller eksplisitte krav om dette. Sjølv om PP-tenesta organisatorisk og økonomisk høyrer inn under kommunen, vil ikkje det seie at kommunen eller fylkeskommunen kan instruere om kva dei sakkunnige vurderingane skal gå ut på. Tenesta har plikt til å sørge

Arbeidet med tidleg innsats inneber både å støtte skolane i arbeidet med å leggje til rette for eit godt pedagogisk tilbod så tidleg som mogleg i skoleløpet, og å setje inn tiltak straks utfordringar blir oppdaga, gjennom heile opplæringsløpet. Dette kan anten vere ved å hjelpe til med å leggje til rette innanfor det ordinære tilboden eller ved å setje inn spesialpedagogiske tiltak gjennom individuelt tilrettelagd opplæring. Det er skolen som har ansvaret for å setje inn tiltak, men PP-tenesta skal hjelpe skolen med spesialistkompetansen sin der det trengst.

PP-tenesta må vere tilgjengeleg for å kunne gi råd, rettleie og hjelpe skolane i arbeidet med eit inkluderande læringsmiljø generelt og i arbeidet med å leggje til rette tilboden for enkelte elevar spesielt. På denne måten kan flest mogleg elevar få god opplæring og nødvendig tilrettelegging innanfor den ordinære opplæringa, og dei som treng individuelt tilrettelagd opplæring, kan få god tilrettelegging og eit inkluderande tilbod som heng saman med anna opplæring. Dette vil, forutan å ha

for at dei sakkunnige vurderingane blir tekne på eit uavhengig og fagleg grunnlag.

Oppgåvane til PP-tenesta i andre og tredje ledd må sjåast i samanheng, er gjensidig avhengige og forsterkar og påverkar kvarandre. Til dømes vil arbeidet med å greie ut løysingar for ein enkeltlev verke inn på det heilskaplege arbeidet til skolen, og motsett. Tiltak som vil hjelpe ein elev, vil også kunne heve kvaliteten på læringsfellesskapet og dermed komme alle elevar til gode.

*Fjerde ledd* erstattar dagens lov § 5-6 andre ledd tredje punktum. Forskriftskompetansen er avgrensa til at departementet kan gi forskrift om at PP-tenesta skal utarbeide sakkunnig vurdering i andre tilfelle enn dei som er nemnde i lova. Departementet kan ikkje gi forskrift om krav til kompetansen i og organiseringa av PP-tenesta.

#### *Til § 11-14 Læremiddel for individuelt tilrettelagt opplæring*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 5-9 og er omtalt i punkt 18.5. Paragrafen slår fast at departementet har ansvar for at det blir utarbeidd lærebøker og andre læremiddel for individuelt tilrettelagt opplæring, men stiller ikkje kvalitative eller kvantitative krav.

#### Kapittel 12 Skolemiljøet til elevane

##### *Til § 12-1 Verkeområde for kapittelet*

Paragrafen vidarefører i hovudsak dagens lov § 9 A-1 med språklege endringar. Paragrafen er omtalt i punkt 33.2.

Paragrafen beskriv verkeområdet for kapittel 12. Ordlyden slår fast at reglane i kapittel 12 gjeld for skolen, leksehjelpeordningar og skolefritidsordningar. «Skolen» omfattar både grunnskolar og vidaregåande skolar som er omfatta av lova, sjá § 1-2. Kapittelet gjeld skolefritidsordningar og leksehjelpeordningar som er oppretta etter opplæringslova. Dersom kommunane nyttar private aktørar til å gjennomføre det pliktige tilbodet i kommunen, gjeld skolemiljøreglane også for dette tilbodet.

Reglane gjeld på skoleområdet eller der opplæringa eller aktivitetar knytte til skolen, skolefritidsordninga eller leksehjelpa går føre seg, irekna på dei digitale plattformene til skolen. Reglane gjeld også når skolen, skolefritidsordninga og leksehjelpeordninga har aktivitetar utanfor skoleområdet, til dømes på turar i nærmiljøet, leirkoleoppdrag o.l. Sjølv om reglane gjeld «skolen», kan forhold utanfor skolen ha betydning, ettersom mellom anna plikta til å setje inn tiltak etter forslag

get § 12-4 gjeld uavhengig av kva som er årsaka til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skolen. Skolevegen er i ei særstilling fordi skolevegen er så nært knytt til skolegangen. Rett og plikt til opplæring gjer at elevane må komme seg til og frå skolen, og dette skil skolevegen frå mellom anna heimen og fritida. At aktivitetsplikta etter § 12-4 gjeld uavhengig av årsaka til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, betyr at også forhold på skolevegen til ein elev kan utløyse plikt til å setje i verk tiltak. På grunn av særstillinga til skolevegen og den nære tilknytinga til skolegangen må skolen dessutan i større grad også kunne forventast å setje inn tiltak på sjølv skolevegen, til dømes tilsyn på bestemte stader.

##### *Til § 12-2 Retten til eit trygt og godt skolemiljø*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 9 A-2 og er omtalt i punkt 33.3.

Paragrafen slår fast at alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring. «Skolemiljø» omfatter både det fysiske og det psykososiale miljøet.

Det fysiske skolemiljøet gjeld både innemiljøet og utemiljøet på skolen. Det fysiske innemiljøet omfattar faktorar som bygningsmessige forhold, luft, temperatur, lys- og stråleMiljø, akustikk og mekanisk innemiljø. Utmiljøet refererer seg mellom anna til lokaliseringa, utforminga av uteareal, leikeapparat osv. Sjá nærmere merknaden til § 12-7 og forskrift om miljø og helse i barnehagar, skolar og skolefritidsordningar.

«Skolemiljø» omfattar i denne samanhengen korleis elevane har det på skolen, skolefritidsordninga og leksehjelpetilbodet.

Paragrafen inneber at skolemiljøet ikkje skal forårsake eller forsterke ekskludering/isolering, helseplager eller mistrivsel, eller øydeleggje, hindre eller forstyrre læringa til elevane. I tillegg skal skolemiljøet ha ein positiv verknad og gi den enkelte eleven gode moglegheiter for helse, inkludering, trivsel og læring. Klassemiljøet vil utgjere ein sentral del av skolemiljøet til elevane, og leik vil utgjere ein viktig del av særleg skolemiljøet til dei yngste elevane. Om skolemiljøet fremjar helse, inkludering, trivsel og læring, må vurderast ved å observere verknaden på elevane og ved å observere og måle ulike forhold ved miljøet. Kva elevane meiner om miljøet, er avgjerande i denne vurderinga.

Kapittel 12 inneheld fleire plikter som utfyller og konkretiserer innhaldet i retten til eit trygt og godt skolemiljø, til dømes krav om førebyggjande arbeid i § 12-3, plikt til å sikre eit trygt og godt

psykososialt skolemiljø i § 12-4 og reglar om det fysiske miljøet i § 12-7.

#### *Til § 12-3 Nulltoleranse og førebyggjande arbeid*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 9 A-3 med nokre språklege endringar. Paragrafen er omtalt i punkt 33.4 og punkt 33.5.

«Skolen» er brukt som pliktsubjekt i denne paragrafen fordi oppfyllinga naturleg skjer på skolenivå. Skolen er ikkje eit eige rettssubjekt, og det er kommunen og fylkeskommunen som har ansvaret for oppfyllinga, jf. forslaget § 28-1 første ledd og § 28-2 første ledd.

*Første ledd* inneber at skolen ikkje skal godta krenkjande oppførsel verken frå elevar eller frå nokon som oppheld seg på skolen. Mobbing, vald, diskriminering og trakkassering er tekne inn som døme på krenkjande oppførsel som elevar kan utsetjast for, og som skolen ikkje skal godta. Det er ikkje ei uttømmande oppramsing, men døme for å klargjere kva som kan vere krenkjande oppførsel. Regelen omfattar rasisme, utesengning, ekskludering og seksuell trakkassering. I heilskap-svurderinga av om ei handling utgjer ei krenking, vil det vere relevant å sjå til anna regelverk, mellom anna om forholdet er omfatta av definisjonen av seksuell trakkassering av likestillings- og diskrimineringslova § 13 tredje ledd. Dersom forholdet blir rekna som seksuell trakkassering etter likestillings- og diskrimineringslova, vil dette utgjere ei krenking etter opplæringslova.

Tilvisinga til «diskriminering og trakkassering» er nøytralt med tanke på diskriminerings- og trakkasseringsgrunnlag og omfattar mellom anna diskriminering eller trakkassering på bakgrunn av kjønn, etnisitet, språk, religion, livssyn, nedsett funksjonsevne, seksuell orientering (under dette homofobi), kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.

Krenkjande oppførsel kan omfatte direkte handlingar og verbale uttrykk retta mot elevar, men også meir indirekte krenkjande handlingar som utesengning, isolering og baksnakking. Både fysisk og digital oppførsel blir omfatta av regelen. Det skal ikkje vere ein høg terskel for kva som blir rekna som krenkjande oppførsel overfor elevar. Barn og unge er meir sårbar enn vaksne, og når dei er på skolen, er dei i ein situasjon som dei er pålagde å vere i, eller som er nødvendig for at dei skal kunne få den opplæringa dei har rett til.

Det er likevel ikkje slik at alle kritiske ytringar eller usemjer mellom elevane er meint å omfattast. Det er ein del av samfunnsmandatet til skolen å lære elevar å tenkje kritisk og kunne akseptere og respektere ulike meininger og overtydingar.

Elevar kan oppleve usemje med lærarar eller andre elevar utan at dette automatisk blir rekna som krenkjande oppførsel. Dette betyr at eit kontroversielt standpunkt ikkje utan vidare skal rekna som ei krenking, sjølv om utsegna kan oppfattast fornærmande eller provoserande for enkelte elevar. Klasseromma skal vere trygge stader for å lufte og diskutere kontroversielle synspunkt, men også å ombestemme seg og endre mening. Elevane skal tolke usemje, både frå andre elevar og frå dei som arbeider på skolen. Lærarar har stor fridom til å omtale kontroversielle, vanskelege og kompliserte synspunkt, utan at dette vil rekna som ei krenking. Fagleg usemje mellom ein lærar og ein elev eller usemje om korleis ein lærar har vurdert ein elevprestasjon, vil heller ikkje rekna som ei krenking. Vidare kan ein elev oppleve irettesetjing av ein lærar utan at dette blir rekna som ei krenking.

Krenkingsomgrepet er objektivt på den måten at kva som er krenkjande oppførsel, kjem an på ei konkret heilskapleg vurdering, ikkje berre opplevinga til den enkelte eleven. Handlinga eller ytringa må tolkast i lys av kontekst og intensjonen avsendaren har. Det finst subtile former for mobbing eller andre former for krenkjande oppførsel der handlinga isolert sett ikkje vil utgjere ei krenking, men der konteksten eller intensjonen til avsendaren gjer at det likevel vil vere naturleg å forstå handlinga som ei krenking. Det kan vere snakk om kommentarar, «blikking» eller andre former for kommunikasjon, til dømes for å markere at mottakaren ikkje hører til, eller at personen står utanfor eit fellesskap.

Sjølv om krenkingsomgrepet ikkje er subjektivt, er det likevel ikkje slik at terskelen for kva som er krenkjande, er lik for alle elevar. Til dømes kan alderen på elevane ha noko å seie for kva handlingar og ytringar som blir rekna for å vere krenkjande. Personlege forhold ved den enkelte eleven har også betydning for om noko må rekna for å vere krenkjande. Det kan vere personlege forhold som livssynet til eleven, seksuell orientering, kjønnsuttrykk, funksjonsevne, at eleven har åferdsvanskar eller sosio-emosjonelle vanskår, eller forhold ved familie- og heimesituasjonen til eleven. Det har også noko å seie om eleven er særskilt sårbar, og om dette er synleg for omgivnadene. At ein elev tidlegare har vore utsett for krenkingar, kan gjere vedkommande særskilt sårbar.

Sjølv om vurderinga av kva handlingar og ytringar som ikkje skal godtakast, skal komme an på ei heilskapleg vurdering, har dei tilsette alltid, uavhengig av om det ligg føre krenkjande oppfør-

sel eller ikkje, ei aktivitetsplikt etter § 12-4 dersom den enkelte eleven sjølv opplever å ikkje ha det trygt og godt på skolen.

*Andre ledd* stiller krav til skolane om at dei kontinuerleg skal arbeide for å sikre at elevane har eit trygt og godt skolemiljø. Målet med arbeidet er å førebyggje at forhold som inneber at elevane ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, oppstår. Arbeidet skal omfatte både det fysiske og det psykososiale miljøet og omfattar alt frå reinhald og vedlikehald av bygningsmasse og utstyr til det skolen gjer for å førebyggje, oppdage og handtere krenkjande oppførsel. I det førebyggjande arbeidet må skolen også rette merksemda mot forhold av meir strukturell karakter. Til dømes må skolen jobbe for å motarbeide rasisme, kjønnsdiskriminering og andre former for diskriminering på eit meir systematisk plan, og som ikkje nødvendigvis alltid kjem til uttrykk ved konkrete krenkingar, som del av det førebyggjande arbeidet til skolen. Regelen inneber at det ikkje er nok at skolen oppfyller pliktene i §§ 12-4, 12-5 og 12-7 og reagerer ved kjennskap til eller mistanke om at retten elevane har til eit trygt og godt skolemiljø, er broten.

Plikta kjem i tillegg til, men er noko anna enn internkontrollkravet etter kommunelova § 25-1. Regelen pålegg kommunane og fylkeskommunane kontinuerleg å drive førebyggjande arbeid på skolemiljøfeltet. Kva slags førebyggjande tiltak og aktivitetar som skal gjerast, må vurderast konkret etter lokale undersøkingar og forhold. Det følgjer av kommunelova § 25-1 at kommunen og fylkeskommunen skal ha internkontroll med administrasjonsverksemda for å sikre at lover og forskrifter blir følgde. Internkontrollen etter kommunelova § 25-1 skal mellom anna vere systematisk. Kravet inneber mellom anna at kommunen og fylkeskommunen må arbeide systematisk med førebyggjande tiltak etter § 12-3 andre ledd.

Førebyggjande tiltak kan setjast i verk både på skole-, gruppe- og individnivå, og det er viktig at elevane sjølve får delta i utforminga av dette arbeidet, jf. §§ 10-2 og 10-4. Foreldra skal også involverast i skolemiljøarbeidet, jf. §§ 10-3 og 10-4.

Statsforvaltaren kan føre tilsyn med det førebyggjande arbeidet til skolen, jf. § 29-2.

*Til § 12-4 Plikt til å sikre at elevane har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø (aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt)*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 9 A-4 med nokre språklege endringar og presiseringar, som ikkje er meinte å medføre nokon realitetsendringar. Paragrafen er omtalt i punkt 33.6.

Aktivitetsplikta gjeld det psykososiale skolemiljøet til elevane og inneheld fem handlingsplikter. I tillegg oppstiller paragrafen ei plikt til å dokumentere kva som blir gjort for å overhalde aktivitetsplikta. Elevane har rett til å medverke, og kravet om det beste for eleven skal vere eit grunnleggjande omsyn, jf. §§ 10-1 og 10-2. Kva elevar som skal høyrast i skolemiljøsaker, og korleis dette skal gå føre seg, vil komme an på den konkrete saka og alderen og modnaden til elevane. Det er inga nedre aldersgrense for retten til å bli høyrt. Skolen skal høyre både den eleven som ein misstenker eller kjenner til at ikkje har det trygt og godt, og andre elevar som er direkte påverka eller involverte i saka. Det skal leggjast vekt på omsynet til alle involverte elevar. For at retten elevane har til medverknad, skal vere reell, må skolen sørge for at elevane får informasjon om prosessen og blir inviterte til å beskrive situasjonen slik dei opplever han, og gi uttrykk for meiningsane sine, sin vilje og sine ønske.

Pliktene til å følgje med, gripe inn og melde frå er plikter som gjeld for alle «som arbeider på skolen». Desse pliktene er individuelle plikter for den enkelte knytt til at dei regelmessig oppheld seg på skolen, skolefritidsordninga eller leksehjelpeordninga for å gjere arbeid eller teneste der og derfor har kontakt med eller observerer elevane. Personkrinsen omfattar alle som har eit tilsetjingsforhold til skolen, kommunen eller fylkeskommunen, uavhengig av om det er heiltid eller deltid, fast eller mellombels, kort- eller langvarig. Også andre som yter arbeid eller gjer teneste på skolen og jamleg oppheld seg på skolen, er omfatta av formuleringa «som arbeider på skolen», uavhengig av kven som er arbeidsgivaren deira, eller om dei får lønn. Derimot skal ikkje personar som berre meir tilfeldig eller no og då er på skolen, omfattast.

Omfanget av plikta til den enkelte avheng av kva rolle, kva oppgåver og kva posisjon vedkommande har på skolen. Det krevst meir av tilsette som har ei omsorgsrolle overfor elevane, enn det krevst av tilsette med andre typar arbeidsoppgåver. Det vil til dømes krevjast meir av lærarar, assistenter, miljøarbeidarar og rektorar enn det krevst av vaktmeistrar, reinhaldsarbeidarar og kantinepersonale. Selskap og sjåførar som utfører skoleskyssen, er ikkje omfatta av regelen.

Plikta til å undersøke saka, setje inn tiltak, lage ein skriftleg plan og dokumentere at plikta er oppfylt, er lagd til «skolen». Skolen er ikkje eit eige rettssubjekt, og kommunen og fylkeskommunen er ansvarlege for oppfyllinga, jf. § 28-1 første ledd og § 28-2 første ledd. Rektor har også eit per-

sonleg ansvar etter denne regelen ettersom rektor kan straffast etter § 12-9 ved brot på enkelte av pliktene som er lagde til skolen.

Plikta til å «følgje med» i *første ledd* inneber ei plikt for den enkelte til å vere årvaken og aktivt observere korleis elevane agerer kvar for seg og seg imellom. Plikta gjeld også forholdet mellom elevar og tilsette på skolen. At dei tilsette følgjer med, er ein nødvendig føresetnad for at dei skal få mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt. Slik mistanke eller kjennskap utløyser andre delplikter i aktivitetsplikta. Saman med plikta til førebyggjande arbeid, jf. § 12-3 andre ledd, føreset plikta til å følgje med til dømes at det blir gjennomført inspeksjonar på skoleområdet og tilsyn i garderobar, og at det er ein låg terskel for å bry seg med kva elevane driv med. Korleis det blir følt med, må tilpassast konkrete omstende rundt elevane og ved skolen, til dømes alderen på elevane, samansettninga til elevgruppa, forhold ved skoleanlegg osv.

Plikta til å «gripe inn» er knytt til krenkjande oppførsel som vedkommande sjølv er vitne til, og som framleis går føre seg. Ofte vil det handle om omgåande å stanse negativ oppførsel, til dømes ved å bryte opp ein slåstkamp eller stanse anna fysisk krenking, stanse ein utfrysingssituasjon eller stanse og irettesetje elevar som krenker andre elevar verbalt. Krenkingsomgrepet i denne regelen er objektivt i den forstand at det må gå ut på ei heilskapleg vurdering, og ikkje berre på opplevinga til den enkelte eleven, av kva som er krenkjande oppførsel. Omgrepet krenking skal forstås på same måte som i § 12-3 første ledd, sjá merknadane til § 12-3 første ledd. Plikta avgrensar seg til inngrep som er moglege for den som arbeider på skolen å gjennomføre, av omsyn til både elevane og hen sjølv. Plikta til å gripe inn gir ikkje ein sjølvstendig heimel til å gripe inn fysisk overfor elevane. Plikta er derfor avgrensa til tiltak som er lovlege å gjennomføre, anten innanfor skolens oppdragar- og omsorgsansvar eller innanfor reglane om nødrett og nødverje. Det er viktig at dei som arbeider på skolen, i tillegg til å kjenne til plikta til å gripe inn, også har kunnskap om kva som er lov, og om korleis slik innblanding bør gjerast. Det er plikta til kommunane og fylkeskommunane å sørge for at skolen har rett og nødvendig kompetanse for å kunne oppfylle pliktene og rettane etter lova, jf. § 17-1.

*Andre ledd første punktum* pålegg alle som arbeider på skolen, ei plikt til å melde frå til rektor om alle mistankar om eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt. Departementet understrekar at plikta til å melde frå i skolemiljø-

aker ikkje må forvekslast med meldeplikta til barnevernet, sjá lovforslaget § 24-3 og barnevernslova § 13-2.

Ordlyden «trygt og godt» siktar til det psykososiale skolemiljøet til elevane og retten etter § 12-2. Å ha det trygt og godt omfattar meir enn fridom frå krenkjande oppførsel. Elevane har rett til eit skolemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring. Retten blir ikkje avgrensa av årsaka til at eleven opplever at skolemiljøet ikkje er trygt og godt. Det avgjerande for vurderinga er korleis eleven subjektivt opplever å ha det medan han er på skolen, skolefritidsordninga eller leksehjelptilbodet. Dette i motsetning til vurderinga om ei krenking har skjedd, som er ei objektiv vurdering. At årsaka til utsynslike eller mistrivselen til eleven er forhold som har skjedd utanfor skoletida eller utanfor skoleområdet, avgrensar ikkje aktivitetsplikta til skolen så lenge opplevinga til eleven av skolemiljøet blir påverka negativt av det. Dette er mellom anna aktuelt i samband med digital mobbing, der den krenkjande oppførselen typisk kan skje utanom skoletida. Tilsvarande kan mobbing eller andre negative opplevingar tilbake i tid påverke om ein elev opplever at det er trygt og godt å vere på skolen no. Sjá også om verkeområdet for reglane om skolemiljø i merknaden til § 12-1.

Skolen har eit skjerpa ansvar for å vareta elevar med ei særskild sårbarheit og elevar som er særleg utsette for krenkjande oppførsel. At ein elev tidlegare har vorte mobba eller utsett for negative opplevingar på skolen, kan til dømes gjere ein elev særskilt sårbar. Personlege forhold hos den enkelte eleven kan gjere at eleven er særleg utsett for krenkjande oppførsel. Det kan vere personlege forhold knytt til til dømes religionen til eleven, seksuell orientering, kjønnsuttrykk, funksjonsevne, til at eleven har åtferdsvanskar eller sosio-emosjonelle vanskår, eller til forhold ved familie- og heimesituasjonen til eleven.

Terskelen for kva som vekkjer ein mistanke om eller gir kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt, skal vere låg. Ein mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt, kan basere seg på observasjonar av elevane, undersøkingar eller kartleggingar, beskjedar frå foreldre eller medelevar, aktivitet i sosiale medium osv.

Rektor kan delegere ansvaret for å ta imot slike meldingar til ein annan person på skolen. Rektor er likevel ansvarleg for at meldingane blir følgde opp med ei undersøking og med tiltak der som det er nødvendig, jf. undersøkingsplikta i og tiltaksplikta i tredje ledd tredje punktum. At det blir meldt frå til rektor, betyr likevel ikkje at alle undersøkingar skal gjerast av rektor. Undersøkin-

gane i ei sak vil ofte utførast av andre enn rektor, og rett nivå for tiltaka kan til dømes vere klassen eller trinnet.

All mistanke om og kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt, skal meldast frå om. Tidspunktet for når det skal meldast frå, er ikkje lovregulert. For at plikta skal ha ei hensikt, må tidspunktet stå i forhold til alvoret i saka. Vurderinga av kor raskt ein skal melde frå, må gjerast frå sak til sak, og det må takast omsyn til formålet med regelen og at skolemiljøsaker er tidssensitive. I nokre tilfelle er det er nødvendig å melde frå til rektor straks, medan det i andre tilfelle kan vere forsvarleg å vente noko lenger, til dømes til slutten av skoledagen eller til vekefaste oppsumeringar eller liknande.

*Andre ledd andre punktum* oppstiller same plikta til å melde frå til rektor dersom ein elev sjølv seier frå om at det ikkje er trygt og godt på skolen. Det skal ikkje stillast strenge krav til kva det er å «seie» at ein ikkje har det trygt og godt. Ein kan ikkje forvente at elevane bruker ordlyden i lova eller omgrepene til vaksne. Det er ansvaret til skolen å fange opp at eleven seier frå om at skolemiljøet ikkje er trygt og godt.

Etter *andre ledd tredje punktum* har skolen plikt til å undersøke saka og rette opp situasjonen med eigna tiltak etter å ha fått ei melding etter andre ledd første eller andre punktum.

Det gjeld same låge terskel for undersøkingsplikta som for plikta til å melde frå. Det er likevel skolen som har ei plikt til å undersøke, ikkje den enkelte som arbeider der. Undersøkingane skal setjast i verk «snarast». Uttrykket er likestilt med så snart som mogleg eller utan ugrunna opphald. I praksis betyr det at undersøkingsaktivitetar skal skje så snart det lèt seg gjere, og ei utsetjing må kunne grunngivast.

Plikta til å «undersøke saka» inneber at det må hentast inn nok informasjon til å kunne avdekke kva som har skjedd, og om éin eller fleire elevar opplever at skolemiljøet ikkje er trygt og godt. Kor grundig ein mistanke skal undersøkjast, må vurderast skjønnsmessig og vere avhengig av formålet og kva slags situasjon ein står overfor. Undersøkingane må ha som formål å få fram fakta om ein situasjon, bakgrunnen for opplevinga til eleven og kva forhold i omgivnadene til eleven som påverkar korleis eleven har det på skolen. Dette kan krevje at undersøkingane også handlar om å avklare og opplyse forhold som har skjedd tilbake i tid eller utanfor skoletida og skoleområdet. Dersom undersøkinga viser at det er elevar som ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, eller i saker der eleven sjølv har sagt frå, må informasjо-

nen som kjem fram i undersøkinga, i neste omgang brukast til å vurdere kva tiltak som skal setjast inn.

Dersom ein elev fortel at eleven har vorte krenkt av ein annan elev eller ein som arbeider på skolen, må den som blir skulda for å ha krenkt eleven, også kunne få komme med sitt syn på saka. At det i denne samanhengen må innhentast informasjon og synspunkt frå fleire enn eleven sjølv, følgjer også av at krenkingsomgrepet er objektivt.

Formålet med undersøkinga er å få eit tilstrekkeleg grunnlag til å oppfylle plikta til å setje inn «eigna tiltak», omtalt som tiltaksplikta.

Skolen skal setje inn tiltak sjølv om undersøkinga viser at det etter ei heilsakleg vurdering ikkje har skjedd nokon krenkingar mot eleven. Så lenge eleven sjølv opplever å ikkje ha det trygt og godt, skal skolen setje inn tiltak for å hjelpe eleven. Tiltaka treng ikkje å rette seg mot utvalde enkeltleivar, men kan rette seg mot større eller mindre problem eller miljøutfordringar på skolen. I nokre tilfelle kan også tiltaka gå ut på å rettleie eleven og å setje eleven betre i stand til å handtere det som blir opplevd som vanskeleg.

Skolen har også plikt til å setje inn eigna tiltak dersom undersøkingar som skolen har utført på eige initiativ, viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Dette betyr at skolen i nokre tilfelle skal setje inn tiltak på eige initiativ, dersom eleven sjølv ikkje har bede om eller ønsker det. Sjå elles §§ 10-1 og 10-2 om det beste for eleven og retten elevane har til medverknad. Departementet understrekar i den samanhengen at retten til å bli høyrd og til å medverka gjeld for alle elevar. Elevar som er mistenkte for å krenkje andre elevar, eller som har krenkt andre elevar, skal ha same rettstryggleik og rett til å bli høyrd som eleven som har blitt utsett for krenkingane. Elevar som opptrer utagerande og aggressivt og krenkjer andre elevar, kan også sjølve oppleve at det ikkje er trygt og godt på skolen, og sjølve ha behov for støtte, hjelp og tiltak.

Plikta til å setje inn tiltak omfattar også ei plikt til å følgje opp tiltaka, evaluere verknaden og eventuelt leggje til eller endre tiltak dersom det er nødvendig for å nå målet. Kor omfattande evaluering som må gjerast, vil variere ut frå arten til saka.

At tiltaka skal vere «eigna», inneber for det første av tiltaka må vere lovlege. Plikta til å setje inn tiltak gir ikkje ein heimel til å gripe inn fysisk overfor elevane. Plikta er derfor også avgrensa til tiltak som anten ikkje krev lovheimel, eller som kan gjennomførast med heimel i andre reglar i lova. Skolereglane er relevante i denne samanhen-

gen, sjå § 10-7. At tiltaka skal vere «eigna», inneber for det andre at dei skal kunne føre til at eleven får det trygt og godt. Tiltaka må tilpassast den konkrete saka, mellom anna kva som er årsaka til at eleven ikkje har det trygt og godt.

Plikta til å «rette opp situasjonen med eigna tiltak» inneber at skolen har plikt til å setje inn dei eigna tiltaka som finst, og som er tilgjengelege for skolen. Skolen må aktivt søkje etter moglege og eigna tiltak. Ofte vil det vere behov for fleire tiltak i samanheng for at tiltaka i sum skal vere eigna til å løyse problemet. Tiltaka treng ikkje å rette seg mot utvalde enkeltelevar, men kan rette seg mot større eller mindre problem eller miljøutfordringer på ulike nivå i skolen. Det kan også dreie seg om kurs, endring av kultur og haldningane hos dei som arbeider på skolen. Dersom årsaka til at ein elev opplever at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, er forhold utanfor skoletida og skoleområdet, vil skolen ha meir avgrensa moglegheit til å rette opp dette. Men skolen skal så langt det finst eigna tiltak sørge for at retten eleven har etter § 12-2, blir oppfylt. Dersom årsaka til at eleven opplever at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, er forhold utanfor skolen, må skolen likevel søkje etter alle eigna måtar å hjelpe eleven på. Dette kan vere gjennom tiltak som blir sett inn på skolen, men som har effekt utanfor skoletida og skoleområdet. I tillegg må det vurderast om det er andre instansar skolen bør involvere eller varsle, til dømes helse- og omsorgstenesta, barnevernteneста eller den oppsökjande tenesta i kommunen.

Plikta til å setje inn tiltak varer til situasjonen er retta opp og eleven har det trygt og godt. Det inneber at plikta til skolen gjeld så lenge eleven opplever at skolemiljøet ikkje er trygt og godt. Aktivitetsplikta blir oppfylt gjennom at skolen kontinuerleg vurderer kva tiltak som er aktuelle, set inn dei tiltaka som etter ei fagleg vurdering blir rekna som eigna, og stadig evaluerer og eventuelt justerer tiltaka for å sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Dette betyr ikkje at skolen alltid må setje inn det tiltaket som eleven eller foreldra ønskjer. Men det betyr at skolen må halde fram med å prøve å hjelpe eleven til å få det betre på skolen. Det kan vere enkelte tilfelle der skolen ikkje greier å oppnå at eleven får det trygt og godt, fordi det ikkje er fagleg forsvarleg å gjere det eine tiltaket eleven meiner er nødvendig. Men skolen kan ikkje slutte å prøve. Skolen må halde fram med å gjere det han kan for at eleven skal få det trygt og godt.

Alle tiltak skal veljast på grunnlag av ei konkret og fagleg vurdering. Det betyr at skolen må bruke eit relevant kunnskapsgrunnlag og i lys av

både erfaringar, forskingsgrunnlag og den lokale konteksten finne fram til eigna tiltak. Dette føreset at dei tilsette har oppdatert og tilstrekkeleg kompetanse om regelverket, skolemiljø og arbeid mot krenkjande oppførsel. Kommunane og fylkeskommunane må sørge for at alle som er omfatta av aktivitetsplikta, har nødvendig og tilstrekkeleg kompetanse til å gjere dei vurderingane som er nødvendige, og setje i verk tiltak som verkar etter hensikta, jf. § 17-1.

Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen «i alvorlege tilfelle», jf. *andre ledd fjerde punktum*. Plikta til å melde frå gjeld uavhengig av korleis rektor får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Det har ikkje betydning for plikta til å melde frå om det er skolen som avdekkjer at eleven ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, eller om det er eleven sjølv som gir beskjed om at han eller ho ikkje har det trygt og godt. Kva som er alvorlege tilfelle, vil komme an på ei skjønnsmessig vurdering ut frå formålet med å melde frå. Døme på kva som typisk blir rekna som alvorleg, er saker der krenkingane er særleg valdelege eller på andre måtar svært integritetskrenkjande. Andre døme er når fleire elevar har mobba éin elev, eller der leiinga i skolen over noko tid ikkje har klart å løyse saka. Digital mobbing på tvers av skolar eller grove truslar via til dømes sosiale medium kan også vere alvorlege. At handlingane kan påtalast, eller at saka har fått merksemrd i lokal-samfunnet, kan også vere ein indikasjon på alvorsgraden og behovet for varsling. Kommunane og fylkeskommunane kan fastsetje eigne rutinar for når skolane skal melde frå til kommunenivået, med ein lågare terskel enn det lova krev.

Rektor kan ikkje utsetje å melde frå til kommunen eller fylkeskommunen til undersøkingar etter andre ledd andre punktum er ferdige. Rektor kan derimot gjere enkelte undersøkingar dersom desse kan gjerast raskt og det er nødvendig for å kunne ta stilling til om saka er alvorleg. Dersom rektor er i tvil og det trengst grundige undersøkingar for å vurdere om saka er alvorleg, skal saka meldast vidare til kommunen eller fylkeskommunen.

Plikta i *tredje ledd* til å lage ein plan for tiltaka blir utløyst samtidig som plikta til å setje inn tiltak, jf. *andre ledd tredje punktum*. Omfanget av opplysningar under kvart av punkta i bokstav a) til e) må tilpassast saka. Ein tiltaksplan (også omtalt som aktivitetsplan) treng ikkje å knyte seg til éin bestemt elev, men kan ta for seg ein situasjon eller ei utfordring som omfattar fleire. Det blir ikkje stilt formkrav til planen utover at han skal vere

skriftleg. Planen er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Reglane i forvaltningslova om prosess og innhald kjem derfor ikkje til bruk.

Dokumentasjonskravet i *fjerde ledd* inneber at skolen må dokumentere korleis dei ulike delpliktene i aktivitetsplikta er oppfylte. Kor mykje som er nødvendig å dokumentere, og kva form det skal dokumenterast i, må vurderast ut frå formalet med dokumentasjonsplikta og risikoene for eleverne. Jo høgare risiko det er for at elevar ikkje har det trygt og godt på skolen, desto strengare krav blir stilt til mengda dokumentasjon og til kor grundig denne må vere. Kommunane, fylkeskommunane og skolane har relativt stor fridom når det gjeld forma for dokumentasjonen. Døme på dokumentasjonsformer er referat, loggar, notat, prosedyrar og liknande. Eit minimumskrav til dokumentasjonen er at arbeidet til skolen i enkeltsaker skal vere klargjort på ein slik måte at elevar og foreldre forstår og kan setje seg inn i kva som blir gjort i saka.

Det krevst ikkje at skolen kan dokumentere om og korleis dei har følg med på kvar enkelt elev. Skolen må kunne dokumentere korleis skolen generelt følgjer med, til dømes gjennom inspeksjonsrutinar, inspeksjonslogg med vidare. I tillegg må skolen dokumentere ut frå risiko. Til dømes kan det vere enkelte område som er særleg utsette. Det kan vere spesielt sårbare elevar, eller det kan vere situasjonar i gang som skolen er kjend med eller har mistanke om. Dersom det er ein særleg risiko for at elevar kan bli utsette for krenkingar eller på annan måte ikkje har det trygt og godt, blir det stilt strengare krav til dokumentasjonen frå skolen av korleis han har følg med.

Når det gjeld plikta til å gripe inn, er det ikkje nødvendig at skolen dokumenterer kvart tilfelle av irettesetjing av elevar. Men dersom episoden som det blir gripe inn mot, er alvorleg eller det trengst stor innblanding, må dette dokumenterast.

Når det gjeld plikta til å melde frå til rektor, kommunen og fylkeskommunen, vil meldinga i seg sjølv vere dokumentasjon dersom det blir meldt frå skriftleg. Ved munnlege meldingar må det dokumenterast på annan måte, til dømes gjennom møtereferat eller loggar.

Dersom ei undersøking fører til tiltak, skal det finnast dokumentasjon i form av tiltaksplanen, jf. *tredje ledd*. Tiltaksplanen (også omtalt som aktivitetsplanen) skal omhandle kva problem planen skal løyse, og her er det naturleg at det kjem fram korleis saka er undersøkt. Dersom undersøkinga ikkje fører til tiltak, må det vurderast konkret om og i så fall kor mykje som må dokumenterast. Dersom undersøkinga til dømes går ut på å snakke

med dei involverte elevane og det viser seg å vere ei misforståing som blir oppklart på staden, er det ikkje nødvendig at dette blir dokumentert. Dersom saka krev vidare undersøkingane eller skolen er i tvil om det bør setjast inn tiltak, skal undersøkingane til skolen dokumenterast. Ofte vil undersøkingane dreie seg om møte med elevar, tilsette og foreldre, og referat vil vere ein naturleg måte å dokumentere slike undersøkingar.

*Til § 12-5 Skjerpa plikt til å melde frå dersom ein som arbeider på skolen, krenker ein elev*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 9 A-5 med enkelte endringar. Paragrafen er omtalt i punkt 33.7.

Ordlyden «ein som arbeider på skolen» i denne paragrafen skal forståast tilsvarande som i § 12-4.

*Første ledd første punktum* pålegg dei som arbeider på skolen, ei plikt til å melde frå til rektor ved alle mistankar om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, skolefritidsordninga eller leksehjelpeordninga, utset eller har utsett ein elev for krenkande oppførsel. Krenkingsomgrep i denne regelen er objektivt på den måten at det må gå ut på ei heilskapleg vurdering, og ikkje berre opplevinga til den enkelte eleven, av kva som er krenkande oppførsel. Omgrepet krenking skal forstås på same måte som i § 12-3 første ledd, sjå merknadane til § 12-3. Det gjeld same låge terskel for plikta til å melde frå her, som etter aktivitetsplikta i § 12-4. Mistanke er tilstrekkeleg. I utgangspunktet er det opp til den tilsette etter ei konkret vurdering å ta stilling til om det er grunn til mistanke om at ein som arbeider på skolen, krenker eller har krenkt ein elev. Men det vil alltid gi grunnlag for mistanke dersom ein elev sjølv seier at det har skjedd.

At det skal meldast frå «straks», betyr at ein ikkje skal utsetje å melde frå. At ein tilsett krenker ein elev, er så alvorleg at saka ikkje kan vente, ut over eventuelt til neste pause eller friminutt.

*Første ledd andre punktum* slår fast at rektor skal melde frå vidare til kommunen eller fylkeskommunen, med mindre meldinga er «openbert grunnlaus». Terskelen inneber at rektor kan undersøke ei melding frå dei tilsette før rektor melder vidare til kommunen eller fylkeskommunen. Dette er avgrensa til ei rask undersøking for å vurdere om meldinga er openbert grunnlaus. Undersøkinga skal avgrense seg til om hendinga klart ikkje kan defineraast som ei krenking (til dømes fagleg usemje eller irettesetjing som er innanfor samfunns- og oppdragaransvaret for sko-

len) eller dersom den påstår krenkinga klart ikkje kan ha skjedd. Det skal vere ein svært låg terskel for melding. Den tilsette har ikkje rett til å uttale seg i samband med at kommunen eller fylkeskommunen får melding. Tilsette som blir påstått å ha krenkt ein elev, får moglegheita til å uttale seg gjennom plikta skolen har til å undersøke saka nærmare. Elevane har rett til medverknad i alt som gjeld dei sjølv etter opplæringslova, sjå § 10-2, og vurderingane til departementet i punkt 21.5.1. Dette inneber at saka ikkje skal meldast til kommunen eller fylkeskommunen utan at eleven er kjend med det og har fått moglegheita til å uttale seg om hen ønskjer det. Meininga til eleven skal i denne samanhengen vektleggjast i samsvar med alderen og modnaden til eleven.

*Andre ledd* pålegg dei som arbeider i skolen, sjølvå å melde frå til kommunen eller fylkeskommunen dersom dei har mistanke om eller kjennskap til at det er ein i leiinga i skolen som krenkjer eller har krenkt ein elev. Omgrepene krenking skal forstås på same måte som i § 12-3 første ledd, sjå merknadane til § 12-3 første ledd. Det er ingen konflikt mellom reglane i forvaltningslova om teieplikt og den skjerpa plikta til å melde frå her. Ikkje alle opplysningane vil vere av ein art som blir omfatta av teieplikta i forvaltningslova § 13, og teieplikta står uansett ikkje i vegen for utveksling av opplysningar internt i eit forvaltningsorgan når utvekslinga skjer for å utføre dei oppgåvane som opplysninga er innhenta for, jf. forvaltningslova § 13 b. Kanalar for å melde frå til skoleleiing og kommunen og fylkeskommunen må likevel ha tilfredsstillande informasjonssikkerheit slik at krava i personopplysningslova og personvernforordninga (ofte kalla GDPR) blir varetekne.

Resten av delpliktene og krava i aktivitetsplikta i § 12-4 gjeld også i tilfelle der eleven ikkje har det trygt og godt fordi eleven blir eller har vorte krenkt av ein som arbeider på skolen.

*Til § 12-6 Statsforvaltaren si handheving av plikta til å sikre eit trygt og godt psykososialt skolemiljø i enkelt-saker*

Paragrafen vidarefører i hovudsak dagens lov § 9 A-6 med nokre endringar. Paragrafen er omtalt i punkt 33.8.

*Første ledd* slår fast at ein elev eller foreldra til ein elev som opplever at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, kan melde saka til statsforvaltaren. Ordlyden «trygt og godt skolemiljø» skal forståast som ei tilvising til det psykososiale skolemiljøet som eleven har rett til etter § 12-2. Eit trygt og godt skolemiljø omfattar meir enn fridom frå kren-

kingar og skal dessutan ikkje avgrensast av årsaka til at eleven opplever at skolemiljøet ikkje er trygt og godt. Sjå elles merknadane til §§ 12-2 og 12-4.

Saka må vera teken opp med rektor før ho blir meld til statsforvaltaren. Statsforvaltaren kan ikkje krevje sikker dokumentasjon for at saka har vore teken opp med rektor. Det vil vere tilstrekkeleg at eleven og foreldra kan sannsynleggjere overfor statsforvaltaren at saka er teken opp med rektor. Dersom rektor har delegert oppgåva til ein tilsett, og eleven eller foreldra har meldt saka til den tilsette, vil kravet om at saka må være teken opp med rektor, vere oppfylt (også der den tilsette ikkje har vidareformidla saka til rektor). Dersom rektor ikke har delegert oppgåva, må eleven eller foreldra ta kontakt med rektor, om ikkje saka alleire er tatt opp med rektor av ein tilsett. Dersom det er ein i skoleleiinga eller rektor sjølv som har krenkt ein elev, og som er skuld i at eleven ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, kan det likevel ikkje krevjast at eleven eller foreldra melder frå til rektor. Departementet viser til at i slike tilfelle vil det ligge føre «særlege grunnar» som nemnt i andre ledd til å behandle saka sjølv om ho ikkje har vore teken opp med rektor. Sjå elles merknaden til andre ledd andre punktum nedanfor.

Eleven kan, uavhengig av alder, melde saka til statsforvaltaren utan at foreldre har samtykt eller har kjennskap. Retten foreldra har til å melde inn saka, gjeld uavhengig av kven av dei barnet bur fast hos. Eleven eller foreldra kan også peike ut ein annan person til å melde saka til statsforvaltaren, på vegner av eleven, jf. forvaltningslova § 12. Barneverntenesta kan melde saka til statsforvaltaren ved omsorgsovertaking, flytteforbod og akutt-plassering, jf. § 24-4.

*Andre ledd første punktum* gir eleven og foreldra ein rett til å få prøvd spørsmålet om skolen har oppfylt tiltaksplikta etter § 12-4 andre ledd og plikta til å lage ein skriftleg plan etter § 12-4 tredje ledd. Vurderingstemaet er om skolen har sett inn dei tiltaka som innanfor rimelege grenser kan forventast i den aktuelle saka for å sørge for at eleven får eit trygt og godt psykososialt skolemiljø, jf. § 12-2. Dette svarer langt på veg til vurderingstemaet Högsterett har lagt til grunn i praksisen sin, jf. Rt. 2012 s. 146. Statsforvaltaren må greie ut fakta i saka og gjere ei fagleg vurdering av om skolen har gjort det som innanfor rimelege grenser kunne forventast ut frå tilgjengeleg kjennskap og krava i regelverket. Det avgjerande for vurderinga vil vere om skolen har sørgt for, og eventuelt framleis vil sørge for, å vurdere og evaluere ulike tiltak og setje inn tiltak som etter ei

fagleg vurdering er eigna til å sikre eleven eit trygt og godt skolemiljø. Sjå merknaden til § 12-4 andre ledd.

Dersom eleven har fått det trygt og godt undervegs i saksbehandlinga, avsluttast saka. Då vil det ikkje lenger vere nokon aktuelle tiltak eller ein aktuell plan som statsforvaltaren skal overprøve. Det er eleven si eiga oppleving av skolemiljøet som må leggjast til grunn i vurderinga om eleven har fått eit trygt og godt skolemiljø. Det må stillast strenge krav til å avvise eller avslutte behandlinga på bakgrunn av at ein elev har fått eit trygt og godt skolemiljø igjen. Ein elev kan føle at situasjonen har forbetra seg for ein kortare periode, utan at det underliggjande skolemiljøproblemet er løyst, og det kan også finnast tilfelle der ein elev ikkje tør å gi uttrykk for korleis hen eigentleg har det. Eleven og foreldra må aktivt informere statsforvaltaren om at eleven har fått det trygt og godt igjen slik at saka derfor kan avsluttast, for at statsforvaltaren skal kunne avslutte saka på dette grunnlaget.

Statsforvaltaren skal ikkje prøve sjølvstendig om retten eleven har til eit trygt og godt skolemiljø, jf. § 12-2, er oppfylt. Dette er ikkje eit spørsmål som kan overprøvast, ettersom det avheng av eleven si eiga oppleving av skolemiljøet. Statsforvaltaren må likevel implisitt ta stilling til om skolemiljøet er trygt og godt, for å kunne avgjere om tiltaka som er sette i verk, er tilstrekkelege.

*Andre ledd andre punktum* handlar om i kva tilfelle statsforvaltaren skal avvise ei sak. At saka blir avvist, betyr at statsforvaltaren ikkje realitetsbehandlar saka som blir meld inn. Ei avvisning er eit vedtak som kan klagast på, jf. forvaltningslova § 2 tredje ledd. Statsforvaltaren har ei rettleiingsplikt etter forvaltningslova § 11. Dette kan innebere å hjelpe elevar eller foreldre med å leggje fram saka for forvaltninga.

Det første avvisingsgrunnlaget er at eleven eller foreldra ikkje først har teke opp saka med rektor. Statsforvaltaren kan ikkje krevje sikker dokumentasjon for at saka har vore teken opp med rektor. Det vil vere tilstrekkeleg at eleven og foreldra kan vise overfor statsforvaltaren at det er sannsynleg at saka er teken opp med rektor. Det blir ikkje stilt formkrav til korleis saka skal takast opp med rektor eller meldast til statsforvaltaren. Ei melding kan skje både munnleg og skriftleg, på papir og elektronisk. For at statsforvaltaren skal kunne behandle saka, må eleven og skolen det gjeld, vere namngitt. Både rektor og statsforvaltaren må ta omsyn til at elevar og foreldre ikkje bruker ord eller uttrykk som samsvarer med ordlyden i lova når saka blir meld. Sjå elles merknadane

til første ledd over om kravet til at saka må vere tatt opp med rektor.

Det andre avvisingsgrunnlaget er at det har gått mindre enn éi veke sidan saka vart teken opp. Ei veke vil seie fem arbeidsdagar i tilfelle med fri- og heilagdagar.

Det tredje avvisingsgrunnlaget er at saka ikkje gjeld det psykososiale skolemiljøet på skolen der eleven går. Det er opplevinga til eleven av det noverande skolemiljøet som er avgjerande, ikkje årsakene til at eleven ikkje opplevde at det er trygt og godt på ein annan skole. Ordlyden «den aktuelle skolen» omfattar også skolen der eleven skulle gått dersom eleven av ulike årsaker ikkje kan eller vil møte på skolen, og tilfelle der eleven mellombels og som eit kortvarig tiltak har bytt skole for å vere i eit tryggare miljø enn på (nær-)skolen fram til skolen har sett inn nødvendige tiltak. Det vil ikkje vere grunnlag for å behandle ei skolemiljøsak dersom eleven ikkje lenger går på den aktuelle skolen. Ei vurdering av om skolen har oppfylt plikta til å sikre eit trygt og godt psykososialt skolemiljø, vil i eit slikt tilfelle berre vere tilbakeskodande.

Dersom vilkåra for avvisning er oppfylte, skal statsforvaltaren avvise saka dersom det ikkje er særlege grunnar til å behandla henne. Ordlyden «særlege grunnar» inneber ein sikringsventil, slik at saker som er svært alvorlege eller tidssensitive, kan takast til behandling. Det skal vere ein terskel for å ta ei sak til behandling når vilkåra for avvisning er oppfylte. Unntaket «særlege grunnar» gjeld for alle avvisingsgrunnlaga. Unntaket kan komme til bruk i til dømes saker som gjeld alvorlege valdshandlinger eller seksuelle krenkingar. Eit anna tilfelle kan vere at det er rektor sjølv som står for krenkinga. I eit slik tilfelle er det urimeleg å krevje at eleven eller foreldra til eleven må ta saka opp med rektor for å kunne få saka behandla hos statsforvaltaren. Det skal mykje til for å behandle saker som gjeld miljøet på skolar der eleven ikkje lenger går. Det kan likevel unntaksvise vere særlege grunnar til å realitetsbehandle slike saker, til dømes dersom det er ei svært alvorleg sak og det har særleg mykje å seie for moglegheita eleven har til å få det trygt og godt på den «nye» skolen.

Det blir ikkje stilt krav til at statsforvaltaren må gjere greie for og grunngi kvifor det ikkje ligg føre særlege grunnar i avvisingsvedtaka sine. Det ligg ikkje føre ei plikt for statsforvaltaren til å vurdere om det ligg særlege grunnar føre i alle saker. Det må vere særlege forhold ved saka som gjer det nødvendig og aktuelt å gå inn i vurderinga. Det høyrer under skjønnet til statsforvaltaren å avgjere om særlege grunnar ligg føre.

I *tredje ledd* er statsforvaltaren gitt mynde til å krevje å få innsendt alle opplysningar som er nødvendige for å behandle saka. Statsforvaltaren avgjer sjølv om pålegget om å sende inn opplysningar skal rettast til skolen eller kommunen eller fylkeskommunen. Opplysningane kan krevjast overlevert munnleg eller skriftleg. Statsforvaltaren kan setje ein frist for når opplysningane skal vere overleverte. Innsynsretten gjeld uavhengig av lovpålagnad teieplikt etter forvaltningslova eller avtalar med skolen eller kommunen eller fylkeskommunen. Dersom statsforvaltaren skal få tilgang til opplysningar fra skolehelsetenesta, fastlegen eller andre med teieplikt etter helsepersonellova, føreset dette samtykke fra den opplysningsane gjeld.

Retten elevane har til å medverke, og kravet om at det beste for eleven skal vere eit grunnleggjande omsyn, følgjer av §§ 10-1 og 10-2. Kva barn statsforvaltaren skal høre, og korleis dette skal skje, vil komme an på den konkrete saka og alderen og modnaden til barna. Statsforvaltaren må vurdere om oppfatninga og meinininga til elevane kjem tilstrekkeleg fram i saksdokumenta, eller om statsforvaltaren sjølv skal høre elevane direkte. Det er som regel ikkje tilstrekkeleg for statsforvaltaren å berre høre den eleven som har meldt saka. Statsforvaltaren må i alle fall høre alle elevane som saka direkte gjeld. Statsforvaltaren må dessutan sørge for at saka er så godt opplyst som mogleg før det blir gjort vedtak, jf. forvaltningslova § 17. Det kan derfor vere nødvendig å innhente informasjon frå andre elevar, frå foreldre og frå dei som arbeider på skolen og i kommunen eller fylkeskommunen. Kven som må høyrast, og kor grundig saka må greia ut, må vurderast konkret. Dersom statsforvaltaren skal vedta kva skolen skal gjere, jf. fjerde ledd andre punktum, krevst det grundigare utgreiing av saka enn dersom statsforvaltaren skal påleggje retting.

*Fjerde ledd* omhandlar myndet statsforvaltaren har til å gjere vedtak. Vedtaket skal rettast mot kommunen eller fylkeskommunen, men vil som regel krevje aktivitet på skolenivå. Det er kommunane og fylkeskommunane som er ansvarlege for å sørge for at vedtaket blir gjennomført. Dersom statsforvaltaren kjem til at det ligg føre brot på plikta til å setje inn eigna tiltak etter § 12-4 andre ledd eller plikta til å lage ein skriftleg plan etter § 12-4 tredje ledd, skal statsforvaltaren som hovudregel påleggje kommunen eller fylkeskommunen å rette forholdet. Det vil seie at statsforvaltaren skal stille krav om at kommunen eller fylkeskommunen finn ei løysing på saka som sikrar at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Unntaksvis

kan statsforvaltaren sjølv vedta kva tiltak som skal setjast inn. Dersom saka elles vil bli unødig forseinka, eller dersom det er grunn til å tru at kommunen eller fylkeskommunen ikkje kjem til å rette forholdet, kan statsforvaltaren vedta kva skolen skal gjere for at eleven skal få eit trygt og godt skolemiljø. I desse tilfella kan statsforvaltaren også vedta reaksjonar etter skolereglane, jf. § 10-7, eller vedta at ein elev skal skole, jf. § 13-2.

Val av tiltak skal baserast på undersøkinga av saka og ikkje berre opplevinga til den enkelte eleven (sjá merknaden til § 12-4 andre ledd). I kva grad det er behov for å innhente informasjon frå andre elevar, avheng av kva slags vedtak som er aktuelt, og om dette vedkjem andre elevar. Kravet i § 10-1 om at det beste for eleven skal vere eit grunnleggjande omsyn, omfattar alle involverte elevar, ikkje berre hen som har meldt saka. I nokre tilfelle kan omsynet til dei ulike elevane tale for ulike løysingar. Kva omsyn som skal vege tyngst, og kva tiltak som skal setjast i verk, må vurderast konkret ut frå målet om at alle elevane skal ha eit trygt og godt skolemiljø.

Vedtaka statsforvaltaren gjer, kan ikkje gripe inn i styringsretten til kommunane og fylkeskommunane. Det er kommunen og fylkeskommunen som arbeidsgivarar som er ansvarlege for å etterleve reglane i arbeidsmiljølova. Statsforvaltaren har ikkje styringsrett overfor dei tilsette i skolen. Dette inneber at det ikkje vil vere tilgang til å bestemme at enkeltpersonar som er tilsette ved skolen, skal gjennomføre dei tiltaka som blir bestemte. Slike pålegg vil gripe inn i styringsretten til kommunane og fylkeskommunane.

Statsforvaltaren kan knyte tvangsmulkt til gjennomføring av vedtaket, jf. § 12-8.

*Femte ledd* inneber at statsforvaltaren si avgjerd er å rekne som eit enkeltvedtak overfor eleven som har meldt saka, og eventuelt andre private personar som avgjerala rettar seg mot. Dette inneber at avgjerala må behandlast etter saksbehandlingsreglane i forvaltningslova kapittel IV og V, og at avgjerala kan klagast på etter forvaltningslova kapittel VI. Avgjerala blir ikkje rekna som enkeltvedtak overfor kommunane og fylkeskommunane. Kommunane og fylkeskommunane har derfor ikkje klagerett. *Femte ledd andre punktum* pålegg statsforvaltaren å setje ein frist for kommunen eller fylkeskommunen til å oppfylle statsforvaltaren sitt vedtak og å følgje opp saka. Fristen skal givast opp presist. Det vil ikkje vere i samsvar med formalet å fastsetje at eit pålegg skal oppfyllast så snart som mogleg. Kommunen eller fylkeskommunen bør samtidig givast ein frist for å gi tilbakemelding til statsforvaltaren om at vedtaket er

gjennomført. Det kan også bedast om informasjon fra kommunen eller fylkeskommunen som dokumenterer dette.

#### *Til § 12-7 Det fysiske miljøet*

Paragrafen forenklar dagens lov § 9 A-7. Paragrafen er omtalt i punkt 33.9.

Paragrafen må sjåast i samanheng med det overordna kravet til skolemiljøet i § 12-2.

Paragrafen må vidare sjåast i samanheng med dei meir detaljerte krava som blir stilte til det fysiske skolemiljøet i forskrift om miljø og helse i barnehagar, skolar og skolefritidsordningar.

*Første ledd første punktum* slår fast at alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Kva som er arbeidsplassen til elevane, må vurderast konkret. Sjølv om det her er store variasjonar i bygningsmasse, organisering, elevtal, skoleslag og ulike fag, er det nokre haldepunkt. Det må gjelde der elevane oppheld seg når dei får opplæring på skolen, uavhengig av om det er teoretiske eller praktiske fag. Tilpassingane kan gjelde på klasse-/gruppenivå eller på individnivå.

Etter *første ledd andre punktum* er det ei plikt til å innrei skolen slik at det leggjast til rette for dei elevane ved skolen som har nedsett funksjonsnevne. Regelen må sjåast i samanheng med § 11-5, som slår fast at elevar har rett til den fysiske tilrettelegginga dei treng for å kunne delta i opplæringa og få tilfredsstillande utbytte av ho.

Etter *andre ledd første punktum* gir departementet forskrift om saksbehandlinga av saker som gjelder det fysiske skolemiljøet etter §§ 12-2 og 12-7. I forskrifa kan departementet spesifisere framgangsmåten for førespurnader og klagar som gjeld det fysiske skolemiljøet. Ettersom departementet er gitt myndighet til å utarbeide særskilde reglar om førespurnader og klagar i forskrift, er det fastsett i *andre ledd andre punktum* at dei ordinære reglane om klage i § 29-1 ikkje gjeld for saker om det fysiske skolemiljøet.

#### *Til § 12-8 Tvangsmulkt*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 9 A-13 med språklege endringar. Paragrafen er omtalt i punkt 61.

Tvangsmulkt føreset ikkje skuld hos kommunen eller nokon kommunen svarer for. Tvangsmulka kan ileggjast uavhengig av omfanget av brotet på aktivitetsplikta. Tvangsmulkt blir ikkje rekna som straff etter den europeiske menneskerettsskonvensjonen (EMK).

I *første ledd første punktum* blir statsforvaltaren og klageinstansen gitt mynde til å fastsetje tvangsmulkt for kommunane og fylkeskommunane. Tvangsmulka skal sikre gjennomføring av vedtak etter § 12-6, noko som igjen har til formål å sikre at aktivitetsplikta blir oppfylt slik at eleven kan ha eit trygt og godt skolemiljø. Det følgjer av formålsopplysninga i første ledd at eit vedtak om tvangsmulkt må formast ut slik at det er mogleg å unngå tvangsmulka ved å oppfylle vedtaket som tvangsmulka er knytt til. Det inneber til dømes at det ikkje må setjast ein så kort frist for etterleving at fristen i utgangspunktet er umogleg å overhalde. I så fall vil mulkta i større eller mindre grad få preg av sanksjon mot å allereie ha skulla gjort seg skuldig i lovbrot. Formålet med tvangsmulkt tilseier at det bør brukast i saker der det er grunn til å tru at kommunen eller fylkeskommunen elles ikkje vil oppfylle vedtaket frå statsforvaltaren eller Utdanningsdirektoratet innan den fastsette fristen. Tvangsmulka kan knytast til eit vedtak eller delar av eit vedtak etter § 12-6.

I *første ledd andre punktum* er det fastsett når vedtaket om tvangsmulkt kan gjerast. Det kan skje samtidig med fastsetjinga av vedtaket for å gi eleven eit trygt og godt skolemiljø. Men vedtaket om tvangsmulkt kan også gjerast seinare.

I *andre ledd første punktum* er det fastsett at vedtaket om tvangsmulkt blir gjeldande når kommunane eller fylkeskommunane ikkje held fristen for å gjennomføre vedtak som skal sikre at ein elev skal få eit trygt og godt skolemiljø. Verknadstidspunktet til tvangsmulka er altså knytt til oppfyllinga av vedtak retta mot kommunen eller fylkeskommunen. Tvangsmulka byrjar å løpe frå utløpet av fristen for å oppfylle vedtaket mot kommunen eller fylkeskommunen. Mulkta løper til vedtaket er oppfylt. Det inneber at tvangsmulka knyter seg direkte til etterlevinga frå kommunen eller fylkeskommunen av vedtaket, ikkje til brotet på aktivitetsplikta som er grunnlaget for vedtaket.

I *andre ledd tredje punktum* er det oppstilt to kumulative vilkår for at ei tvangsmulkt ikkje skal få verknad. For det første må det vere umogleg å innrette seg etter og gjennomføre vedtaket som er gjort for å sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. For det andre må det vere slik at den ansvarlege, det vil seie kommunen eller fylkeskommunen, ikkje kan noko for dette. Det vil ikkje vere tilstrekkeleg at kommunen eller fylkeskommunen viser til at det er vanskeleg eller dyrt å oppfylle vedtaket. At det viser seg umogleg å oppfylle vedtaket innan fristen fordi kommunen eller fylkeskommunen planla å setje i verk eit tiltak for

seint til å rekke fristen, fritek heller ikkje kommunen og fylkeskommunen frå tvangsmulkta.

I *tredje ledd* er det fastsett at reglane i forvaltningslova kapittel IV og V skal gjelde i saker om fastsetjing av tvangsmulk. Vedtaket til statsforvaltaren om tvangsmulk rettar seg mot kommunar og fylkeskommunar og kan ikkje klagast på. Reglane i forvaltningslova om klage kjem derfor ikkje til bruk.

I *fjerde ledd første punktum* er det fastsett at tvangsmulkta skal falle til statskassa. I *fjerde ledd andre punktum* blir det opna for at tvangsmulkta i særlege tilfelle kan bli redusert eller falle bort. Det er opp til det forvaltningsorganet som gir tvangsmulk, etter ei konkret skjønnsmessig avveging, sjølv å gjennomføre denne avgjerda. Redusjon eller fråfall skal berre skje heilt unntaksvis.

*Femte ledd* inneholder ein heimel til å gi forskrifter med nærmere reglar om tvangsmulk. Av omsyn til einsarta forvaltningspraksis kan det vere aktuelt å gi forskrifter om val av typen tvangsmulk, det vil seie om det skal brukast løpende mulkt eller eingongsbeløp, og standardiserte storleikar eller rammer for storleiken på tvangsmulkta.

#### Til § 12-9 Straffansvar for brot på reglane om skolemiljø

Paragrafen vidarefører dagens lov § 9 A-14 med språklege endringar. Paragrafen er omtalt i punkt 61.

*Første ledd første punktum* regulerer straffansvaret for brot på plikta til å følge med, gripe inn og melde frå i skolemiljøsaker. Desse pliktene gjeld for alle som arbeider på skolen, og den enkelte tilsette kan dermed straffast. Strafferamma er bot eller fengsel i opptil 3 månader. Det følgjer av straffelova §§ 32 og 54 at bot og fengselsstraff kan kombinerast. Bot kan også kombinerast med samfunnsstraff, sjå straffelova §§ 51 og 54.

*Første ledd andre punktum* regulerer straffansvar for brot på plikta til å undersøke saka og setje inn tiltak. Desse pliktene er i § 12-4 andre ledd tredje punktum lagde til skolen. Det er rektor som kan bli straffeansvarleg for brot på dei pliktene i § 12-4 andre ledd tredje punktum som ligg på skolen.

Overfor den enkelte tilsette og rektoren gjeld straffebedret ved forsettlege og aktlause lovbro. Det vil dermed ikkje vere slik at alle brot på dei ulike delpliktene er straffbare. Personleg straffansvar gjeld dessutan berre ved kvalifiserte lovbro,

altså ved grove eller fleire lovbro. I vurderingane av kva som er grove brot, skal det leggjast vekt på kva slags lovbro det er tale om, og kor stor skade det har ført til, sjå *andre ledd*.

I *tredje ledd* er det informasjon om at kommunen eller fylkeskommunen kan påleggjast straff etter reglane om føretaksstraff i straffelova § 27 dersom § 12-4 første til andre ledd eller § 12-5 er broten av nokon som handlar på vegner av skolen. Det er straffelova § 27 som er avgjerande for om kommunen og fylkeskommunen kan påleggjast føretaksstraff.

*Fjerde ledd* viser til den særskilde foreldingsfristen for saker om psykososialt skolemiljø. Utan denne særregelen ville foreldingsfristen vore to år, jf. straffelova § 86 første ledd bokstav a.

#### Til § 12-10 Bevisbyrde i erstatningssaker om psykososialt skolemiljø

Paragrafen vidarefører i hovudsak dagens lov § 9 A-15 med språklege endringar. Paragrafen er omtalt i punkt 61.

Paragrafen inneber at det er delt bevisbyrde når det gjeld ansvarsgrunnlaget i erstatningssaker om psykososialt skolemiljø. Vilkåret om at «det er grunn til å tru at kommunen eller fylkeskommunen ikkje har følgt reglane [...]» inneber at påstanden til den skadelidde må styrkast av opplysninga i saka. Men påstanden treng ikkje å vere støttet av bevis i form av dokumentasjon eller vitneførsel. Dette inneber ein meir lempeleg standard enn det alminnelege kravet om sannsynsovervekt som elles vil gjelde i bevisføringa i ei erstatningssak. Det er tilstrekkeleg at det finst opplysningar i saka som gir grunn til å tru at kommunen eller fylkeskommunen ikkje har følgt reglane; opplysningane må ikkje nødvendigvis skaffast av den skadelidde sjølv. Kommunen og fylkeskommunen må då sannsynleggjere – med sannsynsovervekt – at dei likevel ikkje er å klandre.

Det følgjer av skadeserstatningslova og rettspraksis at både kumulative og anonyme feil blir omfatta av erstatningsansvaret og samla sett kan vurderast som aktløyse frå skolen si side og danne grunnlag for ansvar for kommunen eller fylkeskommunen.

Regelen om delt bevisbyrde gjeld berre erstatningsvilkåret om ansvarsgrunnlag. For dei andre erstatningsvilkåra – økonomisk tap og pårekneleg årsakssamanhang – gjeld dei ordinære bevisbyrdereglane.

## Kapittel 13 Ordenstiltak

### Til § 13-1 Bortvising

Paragrafen vidarefører § 9 A-11 og er omtalt i punkt 34.3.

*Første ledd* regulerer rammene for i kva tilfelle det kan fastsetjast i skolereglane at bortvising kan brukast som reaksjon på brot på skolereglane i § 10-7. Dersom bortvising, inkludert bortvising for resten av skoleåret, ikkje er fastsett som ein reaksjon i skolereglane, kan ikkje bortvising brukast. Kommunane og fylkeskommunane vel sjølv om dei vil fastsetje i skolereglane at bortvising skal kunne brukast som ein reaksjon. Dette valet byggjer på eit forvaltningssskjønn som tilsynsmakta og domstolane ikkje kan overprøve.

Bortvising kan berre brukast som reaksjon ved brot på skolereglane, ikkje andre reglar, til dømes reglar i opplæringslova. Det betyr at skolereglane må vere dekkjande for dei situasjonane der kommunen og fylkeskommunen meiner at bortvising (og andre reaksjonar) er eit aktuelt tiltak. Dersom bortvising til dømes skal kunne brukast som tiltak ved brot på forbodet mot ansiktsdekkjande plagg i forslaget § 27-1, må dette fastsetjast i skolereglane.

Med «grove brot» er det meint brot på skolereglane som blir rekna som alvorlege.

Kva som er «grove» brot må komme an på ei skjønnsmessig vurdering. Dette vil langt på veg vere ei skolefagleg vurdering. Ettersom bortvising er eit inngripande tiltak overfor elevane det gjeld, skal domstolane og tilsynsmaktene av omsyn til rettstryggleiken til elevane kunne overprøve vurderinga fullt ut.

*Andre ledd* regulerer at ein elev ikkje kan visast bort dersom mindre inngripande tiltak er tilstrekkelege. Regelen gjeld uavhengig av kor lang tid det er tale om å vise bort eleven, og slår fast prinsippet om det mildaste inngrep: Dersom det er tilstrekkeleg med mindre inngripande tiltak enn bortvising, skal ein bruke mindre inngripande tiltak. Dette kan til dømes vere opplærings- og ordensmessige tiltak som at to elevar ikkje lenger får sitje ved sida av kvarandre. Det kan også vere at eleven har behov for tilpassingar i opplæringa, eventuelt vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring. Bortvising kan ikkje brukast som eit substitutt for manglande tilrettelegging i form av tilpassa opplæring eller individuelt tilrettelagd opplæring.

*Tredje ledd* slår fast kor lenge dei ulike elevgruppene kan visast bort. Tredje ledd er ikkje ein sjølvstendig heimel for bortvising, men ei avgrensing av forskriftskompetansen etter første ledd.

Etter *tredje ledd første punktum* kan elevar på 1. til 7. trinn visast bort for enkelttimar eller resten av dagen, og elevar på 8. til 10. trinn kan visast bort for opp til tre dagar.

*Tredje ledd andre punktum* presiserer at foreldra til ein elev på 1. til 7. trinn skal få beskjed før eleven blir bortvist resten av dagen. Skolen kan ikkje la eleven forlate skolen før foreldra er varsle. For dei yngste elevane vil det dessutan ofte vere slik at eleven blir på skolen til foreldra hentar hen. Det alminnelege omsorgs- og tilsynsansvaret til skolen for elevane inneber at skolen også kan ha plikt til å melde frå til foreldra til elevar på høgare trinn. Dette må skolen i lys av omsorgs- og tilsynsansvaret vurdere konkret i kvar enkelt sak. Døme på dette er elevar med behov for tilsyn. Regelen her om at foreldra skal ha beskjed om bortvisinga før ho blir gjennomført, supplerer regelen i § 10-8. Sjølv om foreldra ikkje får melding i forkant av ei bortvising, kan § 10-8 innebere at foreldra skal ha informasjon om bortvisinga etter at ho er sett i verk.

*Tredje ledd tredje punktum* slår fast at elevar i den vidaregående opplæringa kan visast bort for opp til fem dagar.

*Tredje ledd fjerde punktum* fastset at elevar i den vidaregående opplæringa kan visast bort for resten av skoleåret dersom regelbrota er særleg alvorlege, dersom dette er fastsett særskilt i skolereglane. Kva som er «særleg alvorlege» brot på skolereglane, må komme an på ei skjønnsmessig vurdering. Vurderinga av kva som er særleg alvorlege brot, er eit lovbunde skjønn som tilsynsmakta og domstolane kan prøve fullt ut. Bortvising for resten av skoleåret skal berre brukast når det er absolutt nødvendig, og vil først og fremst vere aktuelt ved gjentekne alvorlege brot på skolereglane. Svært alvorlege enkeltståande brot kan etter omstenda også vere tilstrekkeleg grunnlag for bortvising av ein elev for resten av skoleåret.

*Fjerde ledd* regulerer kven som kan ta avgjerda om å vise bort ein elev. Myndet til å vise bort ein elev er i utgangspunktet lagt til rektor «sjølv», sjá *fjerde ledd første punktum*. Ordlyden tilseier at dette myndet ikkje kan delegerast vidare til andre. Sjølv om myndet til å ta avgjerd er lagt direkte til rektor i lova, betyr ikkje dette at styringsretten til kommunen og fylkeskommunen er innskrenka.

Det er eitt unntak frå delegeringsforbodet i *fjerde ledd andre punktum*. Dersom kommunen eller fylkeskommunen ikkje har fastsett noko anna, står rektor fritt til å delegera til éin lærar, fleire lærarar eller alle lærarane ved skolen å vise bort elevar frå ei opplæringsøkt som læraren har ansvaret for. Éi «opplæringsøkt» omfattar under-

visning som blir gitt av den same læraren, eller den same gruppa av lærarar, over ein samanhengande tidsperiode. *Fjerde ledd tredje punktum* slår fast at bortvisinga uansett ikkje kan gjelde for meir enn to klokketimar.

Det er vidare eit unntak frå utgangspunktet om at rektor «sjølv» gjer vedtak om bortvising i *fjerde ledd fjerde punktum*. Avgjerder om å vise bort elevar i vidaregåande opplæring for resten av skoleåret er lagde til fylkeskommunen. Regelen er ikkje til hinder for at fylkestinget delegerer mynde til å gjere vedtak om bortvising til administrasjonen, men myndet kan ikkje delegerast til rektor eller andre på skolen.

Bortvising for éin dag eller meir vil vere eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2, og saksbehandlingsreglane i forvaltningslova for enkeltvedtak gjeld. Utgangspunktet er at bortvising for kortare tid enn éin dag ikkje vil vere eit enkeltvedtak. Ei planlagd bortvising fram i tid for mindre enn ein dag vil likevel vere eit enkeltvedtak.

Sjølv om kortvarig bortvising normalt ikkje er eit enkeltvedtak, må rektor rådføre seg med lærarane til eleven før bortvisinga blir vedteken. Dette følgjer av den alminnelege plikta til å opplyse saka i forvaltningslova § 17. Dette gjeld også for vedtaket til fylkeskommunen. Uavhengig av om bortvisinga er enkeltvedtak eller ikkje, skal eleven høyrast, og meiningsa til eleven skal få vekt. Vidare må det beste for eleven vere eit tungtvegande omsyn i vurderinga, jf. forslaget § 10-1. Eleven vil også ha rett til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda, jf. retten eleven har til medverknad etter § 10-2.

#### Til § 13-2 Pålagt skolebyte

Paragrafen vidarefører dagens lov § 9 A-12 med enkelte endringar og er omtalt i punkt 34.4.

Paragrafen handlar om pålagt skolebyte, som vil seie at kommunen eller fylkeskommunen bestemmer at ein enkeltlev må byte skole av omsyn til dei andre elevane. Paragrafen gjeld ikkje tilfelle der ein elev sjølv ber om å få byte skole, eller der elevar må byte skole som følgje av skolenedleggingar eller endringar i skolekrinsane.

*Første ledd* handler om grunnvilkåret for at pålagt skolebyte kan brukast som tiltak. Det er ikkje ei plikt for kommunen og fylkeskommunen å påleggje skolebytet sjølv om vilkåret er oppfylt. Medelevar har heller ikkje ein rett til å krevje at eit skolebyte blir gjennomført. Pålagt skolebyte i grunnskolen inneber at eleven blir pålagd å byte frå den skolen eleven har rett til å gå på etter § 2-6.

Grunnvilkåret for å kunne påleggje skolebyte er at oppførselen til eleven går alvorleg ut over tryggleiken eller læringa til éin eller fleire medelevar. Dersom skolen meiner at skolebyte vil vere det beste for ein elev, men oppførselen til eleven ikkje utgjer eit problem for éin eller fleire medelevar, kan ikkje skolebyte påleggjast. Slikt skolebyte føreset samtykke. Skolebyte kan heller ikkje påleggjast av omsyn til dei tilsette på skolen.

Det er oppførselen til eleven og verknadene av denne som skal vurderast. Dette føreset at skolen gjer grundige undersøkingar, jf. også § 12-4 andre ledd. For at vilkåret for skolebyte skal vere oppfylt, må undersøkingane for det første vise at oppførselen til ein enkeltlev faktisk er ei vesentleg årsak til at éin eller fleire medelevar ikkje har det trygt og godt på skolen eller lærer mindre. Både forhold som skjer på skolen, og forhold som skjer på fritida, kan grunngi skolebyte dersom det påverkar skolemiljøet til andre elevar.

Dei negative verknadene for medelevane må dessutan vere kvalifiserte. Om oppførselen til eleven går «alvorleg» utover tryggleiken eller læringa til andre elevar, må vurderast konkret. I vurderinga skal det takast utgangspunkt i opplevinga til medelevane, men det skal også gjerast ei fagleg vurdering av kva slags oppførsel som vanlegvis er eigna til å gå utover tryggleiken og læringa til andre elevar i alvorleg grad.

*Andre ledd* regulerer tilfelle der det ikkje kan påleggjast skolebyte sjølv om grunnvilkåret i første ledd er oppfylt.

*Andre ledd første punktum* fastslår at eleven ikkje kan flyttast dersom «mindre inngripande tiltak er tilstrekkelege». Kravet inneber at det må vurderast om andre tiltak kan vere tilstrekkelege til å forhindre at oppførselen til eleven går alvorleg utover tryggleiken og læringa til andre elevar. Det inneber at andre tiltak som hovudregel skal prøvast ut og evaluerast før det er aktuelt å påleggje eit skolebyte. Skolebyte vil derfor først og fremst vere aktuelt i saker som har gått føre seg over tid og vorte stadig meir belastande for medelevane, utan at tiltaka som har vore sett inn, har betra situasjonen.

I ekstraordinære tilfelle kan det likevel vere rett, av omsyn til medelevane, at andre tiltak ikkje blir prøvd ut før skolebyte blir gjennomført. Dette vil vere saker der behovet for å verne medelevane er særleg stort. Eit døme kan vere eit tilfelle der undersøkingane viser at ein elev har opplevd eit grovt seksuelt overgrep frå éin eller fleire medelevar, drapsforsøk eller andre ekstreme former for vald, og der det ikkje er forholdsmessig

eller rimeleg å krevje at det først skal prøvast ut andre tiltak.

Om andre tiltak er «tilstrekkelege», krev ei vurdering av effekten av ulike tiltak som kan rettast inn mot situasjonen. Det er ikkje nødvendig at mindre inngripande tiltak kan løyse problemet heilt, men tiltaka må kvar for seg eller i samspel redusere skadeverknadene slik at oppførselen ikkje lenger vil gå utover andre elevar i alvorleg grad, jf. første ledd. Eit døme på eit mindre inngripande tiltak er klassebyte. Pålagt skolebyte er derfor berre aktuelt dersom skolebyte er det einaste tiltaket som har denne effekten.

Kva tiltak som er aktuelle, og kva som er meir eller mindre inngripande, vil avhenge av ei konkret vurdering. Vurderinga av kor inngripande eit tiltak er, skal ta utgangspunkt i eleven det er aktuelt å flytte. Det skal vurderast tiltak som blir retta mot heile skolemiljøet, mot grupper av elevar, mot andre elevar ved skolen og mot enkelteleven det er aktuelt å flytte.

*Andre ledd andre punktum* inneber også ei avgrensing i tilgangen til å påleggje skolebyte, ved at ein elev ikkje skal flyttast dersom det fører til at eleven må flytte ut av heimen, eller gjer at dagleg skyss blir uforsvarleg. «[H]eimen» skal forståast som der eleven bur og elles vil halde fram med å bu dersom han ikkje blir pålagd å byte skole. Det vil ofte, men ikkje alltid, vere heime hos foreldra eller ein av dei, eller der eleven bur aleine eller med andre ungdommar, til dømes i eit kollektiv eller på eit internat.

*Andre ledd tredje punktum* inneber ei avgrensing i tilgangen til å påleggje elevar i vidaregåande opplæring å byte skole. Avgrensinga gjeld i tillegg til dei to andre avgrensingane i andre ledd. Reglane om inntak til vidaregående opplæring vil avgrense kva skolar det er aktuelt å byte til. Desse reglane går i dag fram av gjeldande forskrift til opplæringslova kapittel 6 og av lokale forskrifter i den enkelte fylkeskommunen. Etter inntaksreglane kan elevane berre flyttast til skolar der dei kvalifiserer til inntak. At ein elev ikkje kan bli pålagt å byte skole dersom det fører til at eleven «må byte utdanningsprogram og programområde», inneber at eleven må få tilbod om ein fagkombinasjon ved den nye skolen som gjer at eleven kan fullføre til planlagd tid. Eit skolebyte der det er nødvendig med omval for å kunne fullføre vidaregåande opplæring, føreset samtykke frå eleven.

*Tredje ledd* regulerer kven som kan ta avgjelder om pålagt skolebyte. Myndet er lagt til kommunen og fylkeskommunen. Reguleringa står ikkje i vegen for at kommunestyret eller fylkestin-

get delegerer myndet til å påleggje skolebyte til administrasjonen, men myndet kan ikkje delegerast til rektor eller andre på skolen.

Retten elevane har til å medverke og kravet om at det beste for eleven skal vere eit grunnleggjande omsyn, følgjer av §§ 10-1 og 10-2. Kva elevar som skal høyrist i saker om pålagt skolebyte, og korleis dette skal skje, vil komme an på den konkrete saka og alderen og modnaden til elevane. Det er inga nedre aldersgrense for retten til å bli hørt. Skolen skal høre både den eleven som kan bli pålagt skolebyte, og andre elevar som er direkte påverka og involverte i saka. Det skal leggjast vekt på omsynet til alle involverte elevar. For at retten elevane har til medverknad, skal vere reell, må skolen sørge for at elevane får informasjon om prosessen og blir inviterte til å beskrive situasjonen slik dei opplever han, og gi uttrykk for meiningsane sine, sin vilje og sine ønske.

Før det blir gjort vedtak om skolebyte må den som gjør vedtaket også rádføre seg med rektor og aktuelle lærarar om saka, jf. kommunens og fylkeskommunens utgreiingsplikt etter forvaltningslova § 17.

Fylkeskommunane og kommunane vel sjølve om dei vil bruke tilgangen til å påleggje skolebyte for ein elev. Dette valet byggjer på eit forvaltningskjønn som tilsynsmakta og domstolane ikkje kan overprøve. Vurderingane av om oppførselen til eleven går «alvorleg ut over tryggleiken eller læringa» til ein eller fleire medelevar, om mindre inngripande tiltak er «tilstrekkelege», eller om dagleg skyss er «uforsvarleg», byggjer derimot på eit lovbane skjønn som tilsynsmakta og domstolane kan prøve fullt ut.

## Kapittel 14 Organiseringa av opplæringa og reglar for livssynsopplæring

### Til § 14-1 Skolerute og lengda på skoleåret

Paragrafen vidarefører i hovudsak dagens lov §§ 2-2 og 3-2 og er omtalt i punkt 14, sjá særleg punkt 14.5.1.

*Første ledd* regulerer lengda på skoleåret. Kravet betyr at det skal vere 38 veker med opplæring. Det treng ikkje å vere 38 veker samanhengande opplæring, og det treng ikkje å vere opplæring alle dagane i veka. Nasjonale reglar om minstetid til opplæring etter § 1-5 første og fjerde ledd vil i praksis også innebere ei minimumsgrense for talet på undervisningsdagar.

*Andre ledd første punktum* pålegg kommunane og fylkeskommunane å fastsetje skole- og feriedagar (skolerute) og presiserer at dette skal fastsetjast i forskrift. Forskrifta skal kunngjera i

Norsk Lovtidend, jf. forvaltningslova § 38 første ledd bokstav c. Dersom det skal gjennomførast opplæring på andre dagar enn det som er fastsett i skoleruta, må forskrifta bli endra, eller det må gjerast unntak i enkeltvedtak. For at det skal kunne gjerast unntak frå skoleruta i enkeltvedtak, må forskrifta om skoleruta gi heimel til det.

*Andre ledd andre punktum* inneber avgrensingar i moglegheita kommunane og fylkeskommunane har til å bestemme kva dagar som skal vere skoledagar og fridagar. Regelen inneber at det må vere skoledagar på dagar der det skal gjennomførast nasjonale prøvar og eksamen.

#### Til § 14-2 Inndeling av elevar i klassar og grupper

Paragrafen erstattar dagens lov § 8-2 og er omtalt i punkt 14, sjå særleg punkt 14.5.3, 14.5.4 og 50.

*Første ledd første punktum* inneber eit krav om at elevane skal delast inn i klassar. Det er ikkje eit krav at skolane må bruke nemninga «klasse». Kravet går ut på at elevane skal tilhøyre éi gruppe der dei får så store delar av opplæringa at dei kan oppnå sosial tilhøyrsel. Kor mykje opplæringstid elevane må ha i klassen for å oppnå sosial tilhøyrsel, er ei skjønnsmessig vurdering. Skjønnet er eit lovbunde skjønn, samtidig som fagleg-pedagogisk kunnskap og erfaring og meir generell skolefagleg kompetanse vil stå sentralt i denne vurderinga. Generelt kan det vere behov for meir opplæringstid saman med klassen jo yngre elevane er. I vidaregåande opplæring vil tilbodssstrukturen og inndelinga i ulike programfag avgrensa kor mykje opplæringstid ein kan få til i same klasse.

*Første ledd andre punktum* presiserer at så lenge kravet i første ledd første punktum er oppfylt, så kan elevane få opplæring i andre grupper enn i klassen.

*Første ledd tredje punktum* regulerer korleis grupper og klassar skal setjast saman. Kravet om at inndelinga skal bidra til at skolen blir ein møteplass der elevane utviklar respekt og toleranse for kvarandre, inneber at elevane som hovudregel må delast inn i grupper på tvers av ulike karakteristikkar som til dømes kjønn, sosial og økonomisk bakgrunn, etnisitet og religion. Det inneber også at ein må sjå til at inndelingar etter nøytrale kriterium som til dømes bustad ikkje faktisk inneber skeivfordeling av elevar etter kjønn, sosial og økonomisk bakgrunn, etnisitet og religion. Regelen stiller krav til resultatet av inndelinga, ikkje berre inndelingskriterium.

*Andre ledd* regulerer kor store gruppene og klassane kan vere. Kva som er pedagogisk forsvarleg, skal vurderast med grunnlag i fagleg-

pedagogisk kunnskap og erfaring. Økonomiske omsyn kan ikkje brukast som argument for å lage større grupper enn det som er pedagogisk forsvarleg. Så lenge gruppa ikkje er større enn det som er pedagogisk forsvarleg, kan kommunane og fylkeskommunane derimot legge vekt på andre moment, som økonomi, ressurssituasjon, bygningsmessige vilkår osv.

Kor stor gruppe som vil vere trygt, vil avhenge av mellom anna alderen og ferdighetsnivået blant elevane, kompetansen til den tilsette og den konkrete risikosituasjonen. I vurderinga av gruppestorleik på dei yrkesfaglege utdanningsprogramma i vidaregåande skole vil kunnskap og erfaring frå dei ulike bransjane jamførte med erfaringane til skolen med elevar i den aktuelle aldersgruppa vere eit relevant avgjerdsgrunnlag.

Vurderinga av kva som er trygt og pedagogisk forsvarleg, er eit lovbunde skjønn som tilsynsmakta og domstolane kan prøve fullt ut. Samtidig må det konkrete innhaldet i kravet om at gruppa skal vere trygg og pedagogisk forsvarleg, uteiaast på bakgrunn av pedagogiske og faglege vurderingar.

*Tredje ledd* er eit unntak frå første ledd tredje punktum ved at det opnar for at elevane på visse vilkår kan delast inn etter fagleg nivå. Regelen omfattar alle former for inndeling i grupper der utveljinga av elevane er gjort med utgangspunkt i det faglege nivået blant elevane. Det omfattar både tilfelle der alle elevane i ein klasse eller på eit trinn blir delte inn etter fagleg nivå, og tilfelle der berre nokre av elevane er grupperte saman ut frå fagleg nivå. At elevane er i ei eiga gruppe, inneber at opplæringa skjer isolert frå andre grupper, ofte i eit anna rom.

Vurderinga etter *tredje ledd første punktum* av kva som er nødvendig for at elevane skal få tilfredsstillande utbytte av opplæringa, er ei skjønnsmessig vurdering. Skjønnet er eit lovbunde skjønn som tilsynsmakta og domstolane kan prøve fullt ut, samtidig som vurderingane må gjerast med utgangspunkt i fagleg-pedagogisk kunnskap og erfaring. Moglegheita til å dele inn etter fagleg nivå vil berre gjelde for den delen av opplæringa der nødvendigheitskravet er oppfylt. Nødvendigheitskravet betyr ikkje at nivådeling må vere nødvendig for alle elevane. Poenget er at nivådeling er nødvendig for *nokon*, og at inndelinga samtidig vil vere eigna til å gi *alle* eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa. «[N]ødvendig» betyr ikkje at noko må vere absolutt påkravd, men det er meint å vere ein høgare terskel enn at inndelinga berre verkar tenleg. I vurderinga av om det er nødvendig med nivådeling, må ein sjå på kva som i rimeleg

utstrekking kan oppnåast med andre tiltak, som til dømes allsidig bruk av arbeidsmåtar og metodar, å styrke opplæringa i ordinære grupper med ekstra lærarressursar og kompetanse eller å gi elevane opplæring i mindre grupper som ikkje er organiserte ut frå fagleg nivå. Moglegheita til å dele inn etter fagleg nivå vil berre gjelde for den delen av opplæringa der nødvendigheitskravet er oppfylt.

Kriteriet «tilfredsstillande utbytte av opplæringa» må relaterast til måla for opplæringa og kva som er realistisk for den enkelte eleven samanlikna med andre elevar. Vidare må ein vurdere korleis organiseringa påverkar moglegheitene til å realisere det breie samfunnsmandatet til opplæringa, som er gitt i formålsparagrafen i lova og i dei ulike delane i læreplanverket. Dersom alle elevane kan få eit tilfredsstillande utbytte av å få opplæringa i grupper samansette på tvers av fagleg nivå, vil det ikkje vere lov med nivådeling.

Inndeling i grupper etter fagleg nivå kan berre gjerast i særskilde og avgrensa delar av opplæringa. Med «særskilde» meiner ein at det må vere ein bestemt fagleg del av opplæringa, og at behovet for nivådeling må vere knytt til denne delen. Med «avgrensa» meiner ein at elevane berre skal vere i slike grupper i ein avgrensa del av tida. Dette inneber at elevane vanlegvis skal vere inndelte i grupper som er samansette på tvers av fagleg nivå. Kor stor del av tida elevane kan vere i nivådelte grupper, må vurderast konkret. I denne vurderinga må det takast omsyn til om det er mogleg for elevane å få tilfredsstillande utbytte, at hovudregelen skal vere mangfoldig fellesskap, og at elevane skal vere så mykje av tida i klassen at dei kan oppnå sosial tilhøyrsel.

Elevane skal ikkje vere delte inn etter nivå i større grad enn det trengst. Ein må unngå at elevane blir verande i fast gruppe uavhengig av den faglege utviklinga deira. Skolen må derfor jamleg vurdere om skolen deler inn elevane i grupper etter fagleg nivå på ein tenleg måte og vurdere kva som er verknadene av nivådelinga. Skolen kan ikkje halde fram med å bruke eit tiltak som inneber nivådeling dersom tiltaket ikkje har positive effektar, eller dersom det går utover enkelteleverar på ein uheldig måte.

Nivådeling kan heller ikkje erstatte individuelt tilrettelagd opplæring for elevar som har rett til dette.

*Fjerde ledd første punktum* er eit unntak frå første ledd tredje punktum ved at det opnar for at elevane kan delast inn i grupper etter kjønn dersom det er særleg tungtvegande grunnar til å gjere det. Denne terskelen inneber at elevane kan delast inn

etter kjønn for tema i undervisninga der det kan opplevast tryggare for elevane å få undervisning i kjønnsdelte grupper, til dømes om seksualitet, pubertet osv., men også her må ein vurdere om dette vil vere til det beste for elevane og mellom anna ta omsyn til om det er elevar med ein ikkje-binær kjønnsidentitet. Det kan også vere aktuelt å dele inn elevane etter kjønn dersom elevane skal prate om utfordringar i skolemiljøet som særleg gjeld jentene eller gutane. Elles vil slik inndeling berre vere aktuelt dersom det ikkje er praktisk mogleg å få til felles undervisning på ein måte som er forsvarleg og rimeleg med omsyn til integriteten til elevane, til dømes dersom det ikkje finst garderobar som gjer det mogleg for jenter og gutter å dusje separat. I slike tilfelle må det i så fall vere snakk om kortare periodar i unntakssituasjoner, ettersom kommunane og fylkeskommunane har eit ansvar for å sørge for tilstrekkelege fasilitetar. Kravet om at det må ligge føre særleg tungtvegande grunnar for å dele elevane inn i grupper etter kjønn, inneber at det ikkje kan gjenomførast kjønnsdelt undervisning i til dømes symjing for å ta omsyn til at enkelte elevar og forldre ønskjer dette, til dømes på grunn av religiøs overtyding. Vurderinga av om det ligg føre særleg tungtvegande grunnar, er ei skjønnsmessig vurdering. Dette er eit lovbunde skjønn som domstolane og tilsynsmakta kan prøve fullt ut.

*Fjerde ledd andre punktum* fastslår at elevane ikkje kan delast inn i grupper etter etnisitet sjølv om inndelinga er avgrensa til delar av opplæringa. Det er likevel tillate med innføringstilbod for språklege minoritetar og eigne grupper for opplæring i og på samisk og i kvensk eller finsk, jf. §§ 3-2 og 6-2 om opplæring i og på samisk, §§ 3-3 om opplæring i kvensk eller finsk og §§ 3-6 og 6-5 om særskild språkopplæring.

*Femte ledd første punktum* stiller krav om at alle elevar skal ha ein kontaktlærar.

Det følgjer at *femte ledd andre punktum* at alle elevar skal ha ein kontaktlærar og at kontaktlæraren har eit særleg ansvar for eleven, kontakten med heimen og for administrative, sosiale og pedagogiske gjeremål i klassen som eleven går i. Det kan vere fleire kontaktlærarar i éin klasse, men kvar av elevane i klassen skal då berre ha éin av dei som kontaktlæraren sin.

#### *Til § 14-3 Forholdet mellom talet på lærarar og talet på elevar*

Paragrafen vidarefører heimelen departementet har til å fastsetje forskrift om lærartettleik, og er omtalt i punkt 14, sjå særleg punkt 14.5.2. Slik for-

skrift skal bestemme forholdstalet mellom lærar og elevar.

Forholdstalet, berekna gjennomsnittleg gruppestorleik, tek utgangspunkt i det samla talet elev- og lærartimar og er ein matematisk storleik som seier noko om den samla ressursinnsatsen på ein skole/i ein kommune. Denne matematiske storleiken seier ikkje noko om den faktiske storleiken på ei undervisningsgruppe. Ei undervisningsgruppe kan vere større eller mindre enn dette, avhengig av om det er innanfor krava i § 14-2.

Berekna gruppestorleik kan variere på ulike trinn.

#### Til § 14-4 Fjernundervisning

Paragrafen er ny og er omtalt i punkt 15.

*Første ledd* fastset at delar av opplæringa kan gjennomførast som fjernundervisning dersom det er gode grunnar for det og det er trygt og pedagogisk forsvarleg. At «delar» av opplæringa kan gjennomførast som fjernundervisning, betyr at ikkje heile opplæringa til ein elev kan bli gjennomført som fjernundervisning. Avgrensinga er ikkje til hinder for at eit heilt fag blir gitt som fjernundervisning, til dømes for å leggje til rette for at elevane får større valfridom og kan velje smale fag dei elles ikkje kunne valt.

*I første ledd* er det fastsett at fjernundervisning berre kan brukast dersom det er gode grunnar for det og det vil vere trygt og pedagogisk forsvarleg. Kva som ligg i gode grunnar og trygt og pedagogisk forsvarleg, er utdjupa i andre og tredje punktum. Vilkåret om gode grunnar inneber at det skal vere ein viss terskel for å organisere opplæringa som fjernundervisning. Ordinær opplæring av lærarar på skolen er normalordninga, medan fjernundervisning krev ei god grunngiving. Vilkåret om gode grunnar inneber at det må gjerast ei heilskapleg vurdering der fordelane for elevane med fjernundervisning blir vegne opp mot ulempene, jf. *andre punktum*. Fordelane kan til dømes vere at det blir mogleg å gi elevane eit tilbod dei elles ikkje ville fått, eller at det gjer det mogleg å tilpasse opplæringa til det faglege nivået til den enkelte. Ei ulempe med fjernundervisning er at elevane ikkje møter læraren og kanskje heller ikkje dei andre elevane som deltek i opplæringa. Det er ikkje lov å bruke fjernundervisning for å spare pengar, og kommunar og fylkeskommunar kan ikkje la vere å prøve å rekruttere lærarar som dei elles ville ha rekruttert, eller la vere å opprette tilbod som dei elles ville ha oppretta. Derimot kan fjernundervisning vere aktuelt dersom det gir elevane valfridom som dei elles ville fått, til

dømes at det blir mogleg for dei å velje smale språkfag. Fjernundervisning kan også vere aktuelt i dei tilfella der kommunane og fylkeskommunane ikkje har lokalt rekrutteringsgrunnlag for undervisningspersonale med relevant fagleg og pedagogisk kompetanse eller relevant kompetanse i undervisningsfaget, men der bruk av fjernundervisning kan sikre slik kompetanse. Kommunen og fylkeskommunen må då vurdere om omsynet til å kunne bruke kvalifisert undervisningspersonale, framfor personale utan slike kvalifikasjoner, veg opp for ulempene med manglande fysisk nærvær.

Vilkåret om gode grunnar vil vere oppfylt dersom det ikkje finst undervisningspersonale som kan undervise i morsmål, tospråkleg opplæring i fag, samisk eller kvensk/finsk. Sjå punkt 28.5.5, 30.5.7 og 31.5.2.

Uttrykket «trygt og pedagogisk forsvarleg» skal tolkast i brei forstand ved at det mellom anna skal takast omsyn til kor gode moglegheter elevane har for læring, utvikling, trivsel og sosial tilhørsel, jf. opprampsinga i *første ledd tredje punktum*. Momenta er ikkje uttømmande. Kva som er trygt og pedagogisk forsvarleg, må vurderast skjønnsmessig basert på eit fagleg-pedagogisk kunnskapsgrunnlag. Alderen og kor modne elevane er, vil ha noko å seie i vurderinga. I tillegg har det betydning kor mykje av opplæringa som skjer gjennom fjernundervisning. Om og korleis fjernundervisninga blir kombinert med ulike former for fysisk samhandling, og om ein voksen har tilsyn med elevane, har også betydning for om opplæringa vil vere trygg og pedagogisk forsvarleg. Det skal vurderast særskilt om det vil vere trygt og pedagogisk forsvarleg å gi dei yngste elevane opplæring som fjernundervisning. Ein føresetnad er i så fall at eleven får hjelp til å følgje opplæringa av ein tilsett på skolen. I vurderinga av om fjernundervisning er trygt for elevane, skal det også takast omsyn til risikoene for personvern til elevane, sjå punkt 15.5.11. Dersom ein elev ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av fjernundervisninga, må skolen leggje til rette særskilt i samsvar med reglane om individuelt tilrettelagd opplæring.

*Andre ledd* handlar om kvar elevane skal kunne få fjernundervisning. *Første punktum* inneber at hovudregelen er at elevane skal få fjernundervisning på skolen. Det vil seie at elevane må vere på skolen medan dei får fjernundervisning, men læraren kan vere ein annan stad.

*Andre ledd andre punktum* opnar for at ein elev kan få opplæring andre stader enn på skolen i særlege tilfelle. Eit særleg tilfelle kan til dømes vere at ein elev ikkje kan komme på skolen på grunn av

sjukdom. Då kan fjernundervisning vere eit supplement til at læraren kjem heim til eleven ved langvarig fråvær. Eit anna særleg tilfelle kan vere der ein elev mellombels bur ein annan stad enn i heimen, til dømes på eit krisesenter. Det kan også vere eit særleg tilfelle dersom ein elev skal delta i idrettskonkurranse eller kulturarrangement på nasjonalt eller internasjonalt nivå. Kva som er eit særleg tilfelle, må vurderast konkret. Det er meint å vere ein høg terskel der omsynet til eleven står sentralt.

*Andre ledd tredje punktum* opnar for at elevar i den vidaregåande opplæringa også kan få fjernundervisning andre stader enn på skolen etter avtale med rektor. Paragrafen inneber at elevar i den vidaregåande opplæringa kan få fjernundervisning andre stader enn på skolen utover i særlege tilfelle, men det føreset ein avtale med rektor. Sjá omtalen av kva som er meint med særlege tilfelle, i merknaden til andre ledd andre punktum.

Det er rektor på heimskolen til eleven som kan inngå avtale om at eleven skal få fjernundervisning andre stader enn på skolen. Rektor kan delegera denne kompetansen. At kompetansen er lagd til rektor, står ikkje i vegen for at fylkeskommunane avgjer kva praksis skolane skal ha. Om fjernundervisning skal bli gitt andre stader enn på skolen, må vurderast konkret for den enkelte eleven.

*Tredje ledd* slår fast eit vilkår om effektiv kommunikasjon. Vilkåret inneber at elevane må ha tilstrekkeleg med moglegheiter til å få fagleg hjelp og oppfølging. Dessutan må læraren ha tilstrekkeleg moglegheit til å gi opplæring, gjere vurderingar og registrere eventuelt fråvær. Dei tekniske løysingane som blir brukte, må leggje til rette for kommunikasjon i sanntid eller med kort responsid. Skolane må ha nødvendig og eigna utstyr og kompetanse til å gi opplæringa som fjernundervisning.

Kravet i *ferde ledd* om at kommunane og fylkeskommunane skal «godtgjere» at vilkåra for bruk av fjernundervisning er oppfylte, inneber at det er kommunane og fylkeskommunane som skal sannsynleggjere at desse vilkåra er oppfylte. Kravet understrekar at ordinær opplæring er normalordninga, og at avgjarda om å bruke fjernundervisning krev særskild grunngiving. Det vil ikkje vere noko absolutt dokumentasjonskrav, men det er naturleg at det ligg føre noko dokumentasjon frå dei vurderingane som er gjorde. Ved eit eventuelt tilsyn er det kommunane og fylkeskommunane som må sannsynleggjere at det er gode grunnar til å organisere opplæringa som fjernundervisning, at fjernundervisninga er trygg og pedagogisk forsvarleg og at lærar og elev kan

kommunisere effektivt, og ikkje tilsynsmaktene som må sannsynleggjere det motsatte. Val av fjernundervisning vil, til liks med val av undervisningsmetode, i stor grad kvile på eit fagleg skjønn. Både lærarkolleget på den enkelte skolen, rektor og kommunen vil vere sentrale for å sikre kvalitet i den faglege skjønnsutøvinga.

*Femte ledd* er ein heimel til å fastsetje reglar i forskrift. Det er ikkje lagt opp til at det skal fastsettast forskriftsreglar idet lovreglane blir innførte. Forskriftsheimelen skal kunne brukast til raskt å fastsetje ytterlegare vilkår og krav dersom det viser seg at dette er nødvendig ut frå måten reglane blir praktiserte på.

Kommunane og fylkeskommunane vel sjølv om dei vil bruke moglegheita til å gjennomføre opplæring som fjernundervisning. Dette valet byggjer på eit forvaltningsskjønn som tilsynsmakta og domstolane ikkje kan overprøve. Fleire av vilkåra som må vere oppfylte for å kunne gi opplæring som fjernundervisning, er skjønnsmessige. Vurderinga av om desse vilkåra er oppfylte, byggjer på eit lovbane skjønn som tilsynsmakta og domstolane kan prøve fullt ut.

Det er plikta skolane har til å gi opplæring og til å vareta behovet til elevane for sosial samkjensle osv., i kombinasjon med moglegheita for å bruke fjernundervisning, som vil gi rammene for kva opplysningar som kan behandlast, og i kva utstrekning. Det følgjer av forslaget til § 25-1 første ledd at personopplysningar kan behandlast berre så langt det er nødvendig for den konkrete oppgåva eller plikta. Se også punkt 15.5.10.

#### *Til § 14-5 Forbod mot forkynning*

Paragrafen erstattar delvis dagens lov § 2-4, og er omtalt i punkt 35.5.2.

Paragrafen oppstiller eit generelt forbod mot forkynning i opplæringa. Forbodet gjeld alle delar av opplæringa, ikkje berre opplæring om emna kristendom, religion, livssyn og etikk. Forbodet mot forkynning inneber mellom anna at undervisninga ikkje skal gi rom for religionsutøving, sjølv om ho skal gi kunnskap om tru, religionar og livssyn. I dette ligg mellom anna at formålet med opplæringa om kristendom, religion, livssyn og etikk ikkje er å påverke elevane til den kristne trua. Elevane skal heller ikkje påverkast til andre religionar eller livssyn. Arbeidsmåtane vil bety svært mykje for om innhaldet i faget kan opplevast som religionsutøving eller vere støytande på andre måtar. Det er derfor viktig at det blir vist særleg varsemd ved undervisning i emne som omhandlar religiøs praksis som bønn, gudsteneste og andre

former for religionsutøving. Samtidig er det viktig at skolane, som ved all anna opplæring, bruker engasjerande og varierte arbeidsmåtar, slik at undervisninga ikkje blir for teoritung og abstrakt. Etter omstenda vil det til dømes kunne vere lov at elevar, lærarar eller andre illustrerer religiøse ritual eller liknande.

*Til § 14-6 Fritak frå aktivitetar i opplæringa på grunn av livssyn*

Paragrafen erstattar dagens lov § 2-3 a og blir utvida til å omfatte vidaregåande opplæring. Paragrafen er omtalt i punkt 35.5.1.

Fritaksretten i *første ledd første punktum* skal ta utgangspunkt i oppfatninga eleven eller foreldra har, men det skal gjerast ei viss prøving ut frå meir objektive kriterium. Fritaksretten gjeld fritak frå aktivitetar som med rimeleg grunn kan opplevast som utøving av annan religion eller tilslutning til eit anna livssyn eller som støytande eller krenkjande. Formuleringsa «krenkjande eller støytande» er teken inn for å sikre at elevar kan få fritak frå aktivitetar som kan vere uakseptable ut frå den kulturelle bakgrunnen deira eller fordi aktivitetene blir opplevd som eit brot på etiske reglar i religionen eller livssynet deira. Sjå elles Ot.prp. nr. 91 (2004–2005), kapittel 5.4. Regelen omfattar også utøving av aktivitetar som stirr mot eigen religion, som til dømes å ete svinekjøtt.

Opplæringa om kristendom, religion, livssyn og etikk skal vere samlande slik at elevane så langt det er mogleg kan delta i ei felles opplæring, med tilpassing av opplæringa slik at fritak ikkje trengst. Opplæringa skal heller ikkje vere forkynnande, noko som inneber at opplæringa ikkje skal gi rom for religionsutøving, jf. merknaden til § 14-5. Det kan likevel vere tilfelle der enkelte foreldre og elevar subjektivt opplever delar av opplæringa som religionsutøving eller tilslutning til andre livssyn. Som ein nødvendig sikringsventil kan fritaksregelen bidra til å unngå konfliktar i grenselandet mellom det som frå skolen si side ikkje blir rekna for å vere religionsutøving, men som for den enkelte kan opplevast som det.

*Første ledd andre punktum* føreset ei skriftleg melding frå eleven eller foreldra. Foreldra gir skriftleg melding om fritak fram til eleven har fylt 15 år. Elevar som har vorte 15 år, gir sjølv skriftleg melding, jf. § 24-5.

Det er kommunane og fylkeskommunane som har ansvaret for å sørge for at fritak blir gjennomførte når det er meldt om fritak.

Etter *andre ledd* kan ikkje kommunane og fylkeskommunane frita elevar frå kompetansemål i

læreplanar for fag. For å sikre at fritaksretten er reell, må kommunane og fylkeskommunane sørge for at foreldre og elevar får informasjon om retten til fritak, korleis regelen skal forståast i praksis, og kva aktivitetar og arbeidsmåtar som skal gjennomførast. Når kommunane og fylkeskommunane skal gi informasjon, bør dei særleg vere merksame på aktivitetar og arbeidsmåtar der ein kan rekne med at fritaksretten vil kunne vere særleg aktuell. Sjå § 10-8 som gir kommunane og fylkeskommunane plikt til å gi elevane og foreldre den informasjonen dei har bruk for. Kravet om opplæring med «tilsvarande fagleg innhald» betyr at kommunane og fylkeskommunane må sørge for at eleven får moglegheita til å tileigna seg den same kunnskapen som dei andre elevane, men på ein annan måte. Kapittel 11 gjeld også for denne opplæringa.

*Til § 14-7 Opplæring om kristendom, religion, livssyn og etikk*

Paragrafen erstattar delvis dagens lov § 2-4, og er omtalt i punkt 35.5.3. Paragrafen gjeld opplæringa om emna kristendom, religion, livssyn og etikk uavhengig av kva fag opplæringa blir gitt i. Paragrafen omfattar dermed opplæringa i andre fag i tillegg til KRLE-faget.

Opplæringa skal samle elevane i ei inkluderande opplæring, der elevane så langt det er mogleg deltek i ei felles undervisning, med tilpassing av opplæringa.

Formuleringsa «objektivt, kritisk og pluralistisk» er teken inn for å sikre at opplæringa om kristendom, andre religionar, livssyn og etikk er i samsvar med Noregs internasjonale forpliktingar, mellom anna EMK artikkel 9 og første tilleggsprotokoll artikkel 2. Til liks med andre emne og fag skal kunnskapsstoffet formidlast på ein sakleg måte og ut frå ein fagleg ståstad, og undervisninga skal vere objektiv.

Kapittel 15 Opplæringsspråk, læremiddel og skolebibliotek

*Til § 15-1 Opplæringsspråk og talemål*

Første ledd i paragrafen er ny og andre ledd viderfører dagens lov § 2-5 andre ledd. Paragrafen er omtalt i punkt 16.5.

*Første ledd* lovfestar kva språk opplæringa skal vere på (opplæringsspråk). Opplæringa skal vere på norsk, samisk eller norsk teiknspråk. Kravet omfattar både den skriftelege og den munnlege opplæringa. Regelen om opplæringsspråk står ikkje i vegen for at lærarane kan bruke andre

språk i opplæringa, til dømes engelsk eller andre framandspråk i tverrfagleg arbeid.

Med samisk siktar ein til nordsamisk, sør-samisk eller lulesamisk. Det følgjer av forslaget § 3-2 kven som har rett til opplæring på samisk. Det følgjer av forslaget §§ 3-4 og 6-3 kven som har rett til opplæring på norsk teiknspråk.

*Andre ledd* vidarefører regelen i dagens lov § 2-5 andre ledd om at elevane og lærarane bestemmer sjølve kva talemål (dialekt) dei vil bruke.

Paragrafen gjeld både grunnskolen og vidaregåande opplæring.

#### Til § 15-2 Hovudmål på kvar skole

Paragrafen erstattar delvis dagens lov § 2-5. Regelen i *første ledd første punktum* er utvida til å omfatte vidaregående opplæring. Paragrafen er omtalt i punkt 17.

Kommunane og fylkeskommunane skal etter *første ledd første punktum* gi forskrift om kva skriftspråk som skal vere hovudmålet på kvar skole. Dei kan fastsetje same skriftspråk som hovudmål for alle skolane eller ulike skriftspråk som hovudmål for dei ulike skolane, men kvar skole kan berre ha eitt hovudmål. Det skriftspråket som ikkje er hovudmålet, er sidemålet. Med skriftspråk siktar ein til anten bokmål eller nynorsk. Paragrafen gjeld derfor ikkje for skolane som primært bruker eit av dei samiske språka.

Forskrift om kva skriftspråk som skal vere hovudmål, må vedtakast og kunngjera i samsvar med krava til forskrifter i forvaltningslova kapittel VII.

Det følgjer av *første ledd andre punktum* at valet av kva skriftspråk som skal vere hovudmål, har betydning for kva skriftspråk som blir brukt i opplæringa og i den skriftlege kommunikasjonen som skolen har med elevar og foreldre. Hovudmålet skal brukast i all skriftleg kommunikasjon med elevar og foreldre, til dømes vekeplanar, beskjedar og liknande. Det er også hovudmålet som hovedsakleg skal brukast i skriftleg presentasjon i undervisninga og i faglege og skriftlege vurderingar. Det gjeld ikkje når elevane får opplæring i sidemål og i andre språk.

*Andre ledd* vidarefører kravet om rådgivande røysting ved skifte av hovudmål i grunnskolen.

Det følgjer av *andre ledd andre punktum* at nytt vedtak om skifte av hovudmål ikkje kan gjerast før det har gått fem år sidan førre vedtak. Dette er ei lovteknisk justering og ei vidareføring av femårsregelen som inntil no har vore regulert i forskrift.

Reglar om kven som har røysterett, er fjerna frå lovteksten. Dette blir regulert i forskrift.

*Andre ledd tredje punktum* gir heimel for departementet til å gi forskrift om røysterett, ansvar for røystinga og organisering av røystinga.

#### Til § 15-3 Krav til rettskriving og krav til skriftspråk i læremiddel

Paragrafen erstattar delvis dagens lov § 9-4 og er omtalt i punkt 18. Valet til elevane av skriftspråk, inkludert val av skriftspråk i læremiddel, er regulert i §§ 3-1 og 6-1, sjá merknader til desse.

*Første ledd* regulerer kva som blir definert som eit læremiddel, og er ei vidareføring av definisjonen av dagens regulering i forskrift til opplæringslova § 17-1. Det inngår fire kumulative vilkår for at noko kan kallast eit «læremiddel», Dei er 1) trykte, ikkje-trykte eller digitale, 2) utvikla til bruk i opplæringa, 3) skal brukast jamleg i opplæringa, og 4) dekkjer vesentlege delar av læreplanen i faget.

Med «jamleg» meiner ein at eit læremiddel blir brukt fast, over ein lengre periode eller regelmessig. Dersom det er tvil om læremiddelet «dekkjer vesentlege delar av læreplanen i faget», må dette vurderast konkret. Vurderinga av om eit læremiddel «dekkjer vesentlige delar av læreplanen» er et lovbane skjønn som tilsynsmakta og domstolane kan prøve fullt ut. Samtidig må vurderinga i stor grad basere seg på eit fagleg-pedagogisk kunnskapsgrunnlag.

*Andre ledd* vidarefører kravet til rettskriving i læremiddel. Norske og samiske læremiddel som skolen tek i bruk, skal følgje offisiell rettskriving.

*Tredje ledd* vidarefører kravet til parallele språkutgåver på bokmål og nynorsk. Kravet gjeld sjølv om alle elevane i kommunen, fylkeskommunen eller på ein skole har same hovudmål.

Det er fastsett unntak frå kravet til parallele utgåver til same tid og pris i *bokstavane a til c*. Døme på læremiddel som kan dekkjast av unntaket i bokstav c, er læremiddel i språkfag. Det må vurderast konkret om «den norske teksten utgjer ein mindre del».

*Fjerde ledd* vidarefører dagens krav til at lesebøkene i norskfaget i grunnskolen skal ha nok tilfang på både bokmål og nynorsk, slik at elevane lærer å lese begge skriftspråka, men slik at uttrykket «lesebøkene» er erstatta med «dei trykte læremidla».

#### Til § 15-4 Ordlistar, ordbøker og skriveprogram

Paragrafen erstattar delvis dagens lov § 9-4 og er delvis ny. Paragrafen er omtalt i punkt 18.

*Første ledd* omfattar ikkje samiske ordlistar og ordbøker. Kravet gjeld heller ikkje for tospråklege ordlistar, til dømes frå engelsk til norsk. Regelen er ikkje til hinder for at elevane av og til slår opp i ordlistar og ordbøker som ikkje er godkjende av Språkrådet, men desse ordlistene og ordbøkene kan ikkje brukast systematisk i opplæringa.

*Andre ledd* stiller krav til at skolen bruker skri-veprogram som har både bokmål og nynorsk, og som følgjer offisiell rettskriving. Uttrykket «skri-veprogram» omfattar ulike former for lærings-verktøy og tekstbehandlingsprogram med tekstu-støtte, rettefunksjonar o.l.

#### Til § 15-5 Skolebibliotek

Paragrafen vidarefører i hovudsak dagens lov § 9-2 andre ledd med tilhøyrande forskrift. Paragrafen er omtalt i punkt 38.4.

Paragrafen inneber ei plikt for kommunane og fylkeskommunane til å sørge for at elevane har tilgang til eit bibliotek i skoletida. Kravet kan oppfyllest anten ved at skolen har eit eige skolebibliotek, eller gjennom samarbeid med eit bibliotek utanfor skolen. At biblioteket skal vere tilgjengeleg for elevane i skoletida, inneber at biblioteket må vere ope i skoletida. Biblioteket må også ligge i nærleiken av skolen med mindre det er gode skyssordningar som gjer at elevane likevel har tilgang til biblioteket.

At biblioteket skal vere særskilt tilrettelagt for skolen, stiller mellom anna krav til utvalet til biblioteket. Det må vere god tilgang på barne- og ungdomslitteratur, annan skjønnlitteratur og sakprosa osv. som er naturleg å bruke i opplæringa.

#### Til § 15-6 Utstyr

Paragrafen vidarefører dagens lov § 9-3 og er omtalt i punkt 18. Paragrafen slår fast at skolen skal ha tilgang til nødvendig utstyr, inventar og lærermiddel. Kommunen og fylkeskommunen har ansvar for at plikta blir oppfylte.

### Kapittel 16 Rådgiving

#### Til § 16-1 Rådgiving om utdannings- og yrkesval

Paragrafen vidarefører dagens lov § 9-2 første ledd. Paragrafen er omtalt i punkt 44.

*Første ledd* regulerer kva slags rådgiving elevar skal få. Plikta omfattar rådgiving om utdannings- og yrkesval generelt. Kravet om at elevane skal få den rådgivinga som dei treng, inneber at skolen aktivt må vurdere kva slags rådgiving den enkelte eleven har behov for, og gi slik rådgiving

direkte til den eleven det gjeld. Rådgiving inneber å gi informasjon, rettleiing, oppfølging og eventuelt hjelp til elevane. Rådgivingstilbodet kan bestå av ulike element som samla sett skal dekke behovet til elevane for rådgiving om utdannings- og yrkesval. Rådgiving gjennom digitale ressursar kan vere ein del av rådgivingstilbodet til elevane. Kva som inngår i rådgivinga, kan variere, men det kan gjelde val av fag, konsekvensar av ulike fagval og å bevisstgjere og støtte eleven i val av utdanning og yrke og utvikle kompetansen til den enkelte til å planleggje utdanninga si og yrket sitt i eit langsiktig perspektiv. Behovet vil variere etter alder, interesser og kvar eleven er i skoleløpet.

Kravet i *andre ledd* om at elevane skal få rådgiving på «den skolen dei går på», inneber at ein ikkje kan oppfylle kravet ved å ha tilbod om rådgiving på éin stad eller på utvalde skolar i kommunen eller fylket. Tilboden må vere tilgjengeleg på alle skolar. Det blir elles ikkje stilt krav til korleis kommunane og fylkeskommunane organiserer denne oppgåva. Rådgivinga kan som utgangspunkt vere gruppevis eller individuell. At rådgivinga skal vere individuell dersom elevane ønskjer det, inneber at det er behovet til eleven og uttrykte ønske som skal vere avgjerande for val av form på rådgivinga.

*Tredje ledd* stiller krav om at fylkeskommunane må sørge for at dei som har lærertid i bedrift, har tilgang på rådgiving om utdannings- og yrkesval. Det blir ikkje stilt krav om ei aktiv og oppsøkjande rådgiving, men ei moglegheit for å oppsøkje slik rådgiving om det trengst.

#### Til § 16-2 Rådgiving om sosiale og personlege forhold

Paragrafen vidarefører dagens lov § 9-2 første ledd. Paragrafen er omtalt i punkt 44.

*Første ledd første punktum* regulerer kva slags rådgiving elevar skal få. Sosiale og personlege forhold kan omfatte dei fleste tema, under den føresetnaden at dei verkar inn på korleis eleven har det på skolen. Dette kan gjelde problem rundt opplæringa, inkludert utfordringar rundt motivasjon, læringsmiljø etc. I tillegg kan det gjelde det sosiale på skolen.

Rådgiving inneber å gi informasjon, rettleiing, oppfølging og eventuelt anna hjelp til elevane. Det er viktig at elevar ikkje blir avviste dersom dei oppsøkjer skolen for å få hjelp eller råd om forhold som ikkje nødvendigvis har noko å seie for opplæringa og forholdet til eleven på skolen, men at dei blir viste vidare til rett hjelpeinstans. Rådgivningsplikta må sjåast i samanheng med arbeidet til sko-

lehelsetenesta, reglane om skolemiljø og samarbeidsplikta i § 24-1.

Kravet om å få den rådgivinga dei treng, inneber at skolen aktivt må vurdere kva slags rådgiving den enkelte eleven har behov for, og gi slik rådgiving direkte til den eleven det gjeld.

Kravet handlar også om kor mykje og ofte elevane skal ha tilgang til rådgiving. Det er eit skjønnsmessig krav, og det inneber ikkje krav om ein bestemt frekvens. Om det er behov for at elevane har tilgang til rådgiving kvar dag eller eit visst tal dagar kvar veke, må vurderast konkret. Rådgivingstilbodet kan vere samansett av ulike element som samla sett skal dekkje behovet til elevane for rådgiving om sosiale og personlege forhold. Rådgiving gjennom digitale ressursar kan vere ein del av rådgivingstilbodet til elevane.

Kravet i *andre ledd* om at elevane skal få rådgiving på «den skolen dei går på», inneber at ein ikkje kan oppfylle kravet ved å ha tilbod om rådgiving på éin stad eller på utvalde skolar i kommunen eller fylket. Tilboden må vere tilgjengeleg på alle skolar. Det blir ikkje stilt krav til korleis kommunane og fylkeskommunane organiserer denne oppgåva. Rådgivinga kan i utgangspunktet vere gruppevis eller individuell. At rådgivinga skal vere individuell dersom elevane ønsker det, inneber at det er behovet til eleven og uttrykte ønske som skal vere avgjerande for val av form på rådgivinga.

*Tredje ledd* stiller krav om at fylkeskommunane må sørge for at personar med lærerid i bedrift får nødvendig rådgiving om sosiale og personlege forhold. Rådgivinga må, til liks med rådgiving for elevar, gjelde sosiale og personlege forhold som knyter seg til det faglege og sosiale på arbeidsplassen. Det blir ikkje stilt krav om ei aktiv og oppsökjande rådgiving, men at det er mogleg å oppsøkje slik rådgiving ved behov.

## Kapittel 17 Personalet i skolen, skolefagleg kompetanse og kvalitetsutvikling

### Til § 17-1 Krav om kompetanse i skolen

Paragrafen vidarefører dagens lov § 10-8 første punktum og er omtalt i punkt 50.

Paragrafen inneber at kommunane og fylkeskommunane må tilsette eller på annan måte skaffe tilgang til nødvendig og tilstrekkeleg personell med rett kompetanse. Kommunane og fylkeskommunane må sikre at skolen samla sett har god nok kompetanse til mellom anna å sikre den enkelte eleven ei forsvarleg opplæring og eit godt skolemiljø i tråd med dei krava som gjeld til kvar tid. Eit anna døme er at skolane må ha tilsette som varetek dei elevane som har rett til individuell tilrette-

legging. I nokre tilfelle vil dette innebere at skolane må ha tilgang til tilsette med spesialpedagogikk eller annan kompetanse som er nødvendig for å vareta elevane behov for tilrettelegging.

### Til § 17-2 Leiing

Paragrafen er delvis ny og delvis ei vidareføring av reglar i dagens lov kapittel 9 og er omtalt i punkt 50.

*Første ledd* inneholder eit generelt krav til den samla leiinga av skolen og er ei vidareføring av dagens lov § 9-1 første ledd. Vurderinga av kva som er forsvarleg leiing, er ei skjønnsmessig vurdering. Skjønnet er eit lovbunde skjønn som tilsynsmakta og domstolane kan prøve fullt ut. I mange tilfelle vil fagleg-pedagogisk kunnskap og erfaring vere det relevante grunnlaget for å fastsetje innhaldet i forsvarlegkravet.

Kva som er forsvarleg, kan variere i tid og mellom dei ulike skolane. Kravet om forsvarleg leiing gjeld både det administrative, det faglege og det pedagogiske nivået. Moment i vurderinga av kva som er administrativ forsvarleg leiing, kan vere storleiken på skolen, organisering av leiinga og tilhøyrande ansvarsdeling. Forsvarleg administrativ leiing vil vere å sørge for at skolen er organisert slik at han er i stand til å vareta dei administrative pliktene sine.

Moment i vurderinga av kva som er fagleg forsvarleg leiing, kan vere i kva grad leiinga legg til rette for god samhandling og godt samarbeid i eigen organisasjon. Det inneber mellom anna å vere oppteke av det faglege arbeidet som lærarane utfører i klasserommet, og å løfte utfordringar som tilsette ser i skoledrifta. Forsvarleg fagleg leiing kan også bestå av å setje i verk tiltak for innovasjon og utvikling både på det skolefaglege og administrative planet. Det kan også innebere å organisere gode prosessar for involvering av alle tilsette i arbeidet med kvalitetsutvikling i skolen.

Moment i vurderinga av kva som er forsvarleg pedagogisk leiing, kan vere kunnskapen til leiinga om og kompetanse i å vurdere og følgje opp praksis i klasserommet. Det kan gjelde både undervisninga og arbeidet med læringsmiljøet. Evna til å leie utviklingssamarbeid i det profesjonelle felleskapet i skolen og å leggje til rette for at lærarar sjølv kan leie eller bidra til slikt utviklingssamarbeid, kan også vere relevante moment i vurderinga.

*Andre ledd første punktum* er ei vidareføring av dagens lov § 9-1 andre ledd første punktum. Kravet gjeld uavhengig av kor mange elevar ein skole har. Dette inneber at alle skolar skal ha ein rektor

som leier verksemda. Skoleleiinga kan bestå av ein enkelt rektor eller ei større skoleleiing, med rektor som øvste leiaren. Rektor er ansvarleg overfor kommunen eller fylkeskommunen for skoleøkonomien og måloppnåinga. I mange tilfelle vil rektor vere den som sørger for at rettane til elevane og pliktene til kommunen og fylkeskommunen blir oppfylte. Det rettslege ansvaret for at rettar blir oppfylte etter lova, ligg likevel hos kommunane og fylkeskommunane. Rektor er ofte personalleiar, både for det administrative og for det profesjonelle fellesskapet på skolen.

Ifølgje *andre ledd andre punktum* er det eit krav at rektor skal ha pedagogisk kompetanse, som er ei vidareføring av dagens reglar i § 9-1 andre ledd. Med «pedagogisk kompetanse» er det meint anten formell kompetanse, kompetanse opparbeidd gjennom praksis eller ein kombinasjon av desse. Realkompetansen må vere dokumenterbar. Dessutan gjeld kvalifikasjonsprinsippet. Når det er fleire søkerar til den same rektorstillinga, skal den best kvalifiserte søkeren veljast. Dette inneber at rektorstillingar normalt skal lysast ut offentleg. Det følgjer vidare av *andre ledd tredje punktum* at rektor kan leie fleire skolar. Kravet i andre punktum om at rektor personleg skal «ta del i den daglege verksemda og arbeide med utviklinga av verksemda», set likevel grenser for kor mange skolar den same personen kan vere rektor for. Dessutan gjeld kravet i første ledd om forsvarleg leiing. Arbeidsoppgåvene rektor har, må også sjåast i samanheng med internkontrollen til kommunen for å sikre at lover og forskrifter blir følgde, jf. kommunelova § 25-1.

#### *Til § 17-3 Krav om kompetanse for å bli tilsett i lærarstilling*

Paragrafen vidarefører i hovudsak dagens lov §§ 10-1, 10-6 og 10-6a og er omtalt i proposisjonen punkt 50.

*Første ledd* gjeld berre for tilsetjing i lærarstillingar, ikkje for andre stillingar i skolen.

Krava skal vere oppfylte når vedkommande tek til i stillinga. Dette opnar for tilsetjing av lærarstudentar som snart er ferdigutdanna, men som ikkje har fått vitnemål på tilsetjingstidspunktet.

Kvalifikasjonsprinsippet gjeld, jf. § 17-5. Når det er fleire søkerar til den same lærarstillinga, skal den best kvalifiserte søkeren veljast. Dette inneber også at lærarstillingar normalt skal lysast ut offentleg.

*Andre ledd* opnar for mellombels tilsetjing av andre enn dei som oppfyllar kompetansekrava, dersom det ikkje er søkerar som oppfyller kompe-

tansekrava etter første ledd, og vidarefører dagens lov §§ 10-6 og 10-6a. Som avklart i høgsterettsdommen HR-2016-2229-A vil reglane kunne opne for mellombels tilsetjing også der det er andre søkerar som oppfyller kompetansekrava etter første ledd, dersom dei sistnemnde ikkje er godt skikka for stillinga. Tilsetjing etter andre ledd krev normalt at lærarstillinga må ha vore lyst ut offentleg.

Ei mellombels tilsetjing etter andre ledd skal berre vare fram til førstkommande 31. juli, med mindre det er snakk om ei tilsetjing på vilkår om påbegynt utdanning der arbeidsgivar og arbeidstakar avtaler lengda på tilsetjinga ut frå vilkåra som følgjer av ordlyden i lova.

Det er ikkje fastsett ei nedre grense for kva som kan reknast som påbyrja utdanning, men søkeren må faktisk vere i gang med ei utdanning som, når ho er fullført, kan oppfylle kravet til å kunne bli tilsett i den aktuelle lærarstillinga. Dersom utdanninga blir fullført innan den tidsfristen som er avtalt, vil vilkåret vere oppfylt og arbeidsforholdet gå over til fast tilsetjing. Med mindre noko anna er avtalt, vil dette skje automatisk. Dersom vilkåra i avtalen ikkje er oppfylte, skal arbeidsforholdet i utgangspunktet avsluttast ved utløpet av det avtalte tidsrommet. Reglane om avslutning av mellombelse tilsetjingar i arbeidsmiljølova § 14-9 gjeld tilsvarende. Dette inneber at ein arbeidstakar som har vore tilsett i meir enn eitt år, har krav på skriftleg varsel om tidspunktet for fråtreding seinast éin månad før fråtredningstidspunktet. Arbeidsmiljølova § 14-9 sjuande ledd om bruk av oppseiingsreglane for fast tilsette der arbeidstakaren har vore samanhengande mellombels tilsett i meir enn tre eller fire år, gjeld ikkje. Sjå omtale i Prop. 84 L (2011–2012), merknad til § 10-6a.

Med «kompetanse» i *tredje ledd* meiner ein både fagleg og pedagogisk kompetanse, jf. første ledd. Krava kan variere mellom fag og trinn. Regelen opnar også for at departementet gir forskrift om godkjenning for tilsetjing av lærarar med utdanning og praksis frå utlandet.

#### *Til § 17-4 Krav om relevant kompetanse i undervisningsfag*

Paragrafen fører delvis vidare dagens lov § 10-2 og er omtalt i punkt 50.

Etter *første ledd* er det kommunane og fylkeskommunane som skal sørge for at krava om relevant kompetanse i undervisningsfag blir oppfylte. Om det stilles krav for dei enkelte faga og kva

krava består i går fram av forskrift, jf. forskriftsheimelen i fjerde ledd.

Reglane i *andre ledd* er delvis nye og inneber for det første at kravet om å ha relevant kompetanse i undervisningsfaget ikkje gjeld dei lærarane som oppfylte kompetansekrava for tilsetjing før 1. januar 2014, uavhengig av om dei då jobba i skolen. Kravet gjeld heller ikkje dei lærarane som har fullført allmennlærarutdanning, uavhengig av når allmennlærarutdanninga vart avslutta. Det siste unntaksalternativet i andre ledd er ei vidareføring av dagens reglar og inneber at kravet om å ha relevant kompetanse i undervisningsfaget heller ikkje gjeld dei som er mellombels tilsette etter reglane i § 17-3 andre ledd, eller dei som er tilsette mellombels etter arbeidsmiljølova (vikarar).

*Tredje ledd* opnar for at kommunane og fylkeskommunane om nødvendig kan avgjere at lærarar kan undervise sjølv om dei ikkje oppfyller kravet til relevant kompetanse i undervisningsfaget. Føresetnaden er at skolen ikkje har mange nok lærarar med relevant kompetanse i faget, og at faga er fordelte mellom lærarane slik at krava kan oppfyllast i størst mogleg grad.

Kommunane og fylkeskommunane må vurdere konkret ut frå lokale forhold om det kan vere eit aktuelt alternativ å omdisponere lærarane i verksemda, eller om ein lærar kan undervise ved fleire skolar i same kommune eller fylkeskommune. Dette må likevel avgjerast innanfor det som er mogleg ut frå arbeidsavtalar og arbeidsrettslege forpliktingar elles. Regelen inneber ikkje eit krav om å avslutte eller endre arbeidsforhold eller om å tilsetje fleire lærarar enn det ein treng i verksemda.

Dersom kommunane og fylkeskommunane vedtek å fråvika krava i første ledd, må dette gjerast for kvar enkelt lærer, for kvart enkelt fag. Kommunane og fylkeskommunane er forplikta til å vurdere om det framleis er nødvendig å fråvike kravet minst éin gong per skoleår. Avgjerder etter tredje ledd er ikkje enkeltvedtak.

*Fjerde ledd* gir departementet heimel til å gi forskrift om krav til kompetanse for dei som skal undervise i ulike fag på dei ulike trinna. Departementet kan også velje å ikkje stille slike krav, til dømes for enkelte fag på enkelte trinn.

#### *Til § 17-5 Kvalifikasjonsprinsippet*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 10-5, men ordlyden er noko endra og byggjer på statsansattelova § 3. Paragrafen er omtalt i punkt 50.

Paragrafen lovfestar kvalifikasjonsprinsippet på området i opplæringslova og gjeld for alle stil-

lingar på skolen. *Første ledd* fastslår at den best kvalifiserte søkeren til ei ledig stilling skal tilsettast, dersom ikkje anna følgjer av lov eller forskrift.

*Andre ledd* pålegg kommunane og fylkeskommunane å legge vekt på utdanning, erfaring og personlege eigenskapar hos søkerane når dei samanliknar søkerar og vurderer kven som er best kvalifisert. I vurderinga skal utdanninga, erfaringa og dei personlege kvalifikasjonane til søkerane jamførast med kvalifikasjonskrava som er stilte i utlysinga. Merk at det gjeld spesielle kompetansekrav ved tilsetjing av lærarar i § 17-3.

For å kunne kontrollere om kvalifikasjonsprinsippet er følgt, er det ein føresetnad at alle ledd i tilsetjingsprosessen er tilstrekkeleg dokumenterte.

#### *Til § 17-6 Bruk av anna personale i opplæringa enn dei som er tilsett i lærarstilling*

Paragrafen er delvis ny, og han erstattar delvis dagens lov § 10-11. Regelen er omtalt i punkt 50.

Det *første punktumet* i paragrafen slår fast at andre personale enn dei som er tilsette i lærarstilling, kan hjelpe til i opplæringa, men kan ikkje ha ansvaret for opplæringa. Dei som ikkje er tilsette i lærarstilling, kan mellom anna hjelpe til med praktiske og sosiale utfordringar og i sjølve opplæringa. Det følgjer indirekte av regelen at berre dei som er tilsette i ei lærarstilling, kan ha ansvar for opplæringa.

*Andre punktum* slår fast at kommunane og fylkeskommunane skal sørge for at anna personale som hjelper til i opplæringa skal få nødvendig rettleiing av ein som er tilsett i lærarstilling. Kva som er nødvendig rettleiing, vil variere etter utdanningsbakgrunnen og arbeidserfaringa til den tilsette og kva oppgåver den som ikkje er tilsett i lærarstilling, skal vareta. Det er skolen som i det enkelte tilfellet vurderer kva som er nødvendig rettleiing.

#### *Til § 17-7 Krav om at skolane har tilgang på vikarar*

Paragrafen er ny og er omtalt i punkt 50.

At skolane må ha tilgang på vikarar ved «vanleg og venta» fråvær, betyr at kommunane og fylkeskommunane må vurdere kva som er sannsynleg framtidig fråvær i verksemda, til dømes ved å ta utgangspunkt i tidlegare års fråvær eller annan kunnskap og anna erfaring som kan seie noko om kor mykje fråvær som kan forventast. Det er opp til kvar enkelt kommune og fylkeskommune om dei vil nytte lærarar ved skolen som vikarar, anten

i eigne stillingar eller prosentdelar av lærarstillingane, eller om dei vil ha eigne vikarpoolar eller liknande.

#### *Til § 17-8 Fagleg og pedagogisk utvikling*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 10-8 andre punktum, og er omtalt i punkt 50.

Paragrafen presiserer at kommunane og fylkeskommunane har ansvaret for nødvendig kompetanseutvikling, til dømes etter- og vidareutdanning. Det ligg innanfor styringsretten til arbeidsgivar å påleggje tilsette å delta i nødvendig kompetanseutvikling.

#### *Til § 17-9 Praksisplassar i skolen*

Paragrafen vidarefører regelen i første delsetning i dagens lov § 10-7, og er omtalt i punkt 51.

Paragrafen gir departementet heimel til å gi pålegg om at kommunar eller fylkeskommunar skal gi studentar frå universitet og høgskolar praksisopplæring og rettleiing i skolen. Påleggget kan givast som enkeltvedtak eller i forskrift.

#### *Til § 17-10 Personalet ved leirskolar*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 10-3 og er omtalt i punkt 50.

Det følgjer av *første punktum* at undervisningspersonalet ved leirskolar med fast pedagogisk bemanning skal vere tilsett i den kommunen der leirskolen ligg. Formålet med regelen er å sikre «kontinuiteten i undervisningsopplegget og tilsettjingsforholda for personalet. På denne måten vil undervisningspersonalet ha god kjennskap til forholda på staden og på dette grunnlaget kunne legge undervisninga godt til rette for elevane», jf. Ot.prp. nr. 78 (1998–99) *Om lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*, kapittel 5.5.

Etter *andre punktum* kan departementet gi forskrift om kompetansekrav for personalet ved faste leirskolestader.

#### *Til § 17-11 Politiattest og forbod mot tilsetjing*

Paragrafen vidarefører og utvidar dagens lov § 10-9. Regelen blir også utvida til å gjelde førbuande opplæring for vaksne, dette følger av § 19-14. Paragrafen er omtalt i punkt 52.

*Første ledd første punktum* inneber ei plikt for kommunane og fylkeskommunane til å krevje politiattest. Kravet om politiattest gjeld alle typar stillingar. Kravet gjeld ved tilsetjing. Kommunane

og fylkeskommunane kan ikkje krevje politiattest av personar som alt er tilsette eller er i praksis. For ny vandelsvurdering gjeld politiregisterlova § 43. Med «skoleliknande aktivitetstilbod» er det meint aktivitetstilbod i regi av kommunane eller fylkeskommunane som har tilknyting til skolen, og som har karakter av å vere opplæring. Eit døme på dette er sommarskole. Kravet gjeld også dei som skal tilsetjast ved kulturskolar. Plikta til politiattest gjeld i dei tilfella der kommunane nytta private aktørar til å gi tilboden, til dømes i skolefritidsordninga eller ved kulturskolen. Vidare vil plikta til politiattest også gjelde for mellombels innleigde frå til dømes bemanningsbyrå, desse kjem inn under nemninga mellombels tilsett i skolen. Det er vikaren sjølv som innhentar politiattest og skal levere han til kommunen eller fylkeskommunen.

*Første ledd andre punktum* fastslår at kravet gjeld også for den som skal tilsetjast fast eller mellombels på leirskolar, til dømes undervisningspersonale, nattevakts, kokkar, gardsarbeidarar etc., og uavhengig av om desse er kommunalt tilsette eller tilsette av ein privat aktør.

Av omsyn til personvernet til søkjarane er det berre den som skal tilsetjast, som skal levere politiattest.

*Andre ledd første punktum* fastset at kommunane og fylkeskommunane kan krevje politiattest av personar som skal ha praksis, som til dømes studentar eller dei som har arbeidspraksis eller liknande, i skolen eller i tilbod som nemnde i første ledd første punktum.

*Andre ledd andre punktum* fastset kva som skal leggjast til grunn i vurderinga av om det skal krevjast politiattest. I vurderinga skal det leggjast vekt på om vandelskontroll er gjennomført i medhald av andre regelverk, dette kan for studentar vere etter universitets- og høgskolelova. For elevar på vidaregåande skolar er det ikkje tilsvarande krav om politiattest som det er for studentar ved høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning. Elevar ved vidaregåande skolar har praksis som varer kortare tid, og karakteren til praksisoppfaldet tilseier ikkje at det skal innhentast politiattest, men kommunen og fylkeskommunen kan vurdere å innhente politiattest. Det same bør gjelde for personar som skal ha arbeidstrening gjennom Nav og utanlandske borgarar som har praksisplass gjennom introduksjonsprogrammet. Det gjeld også for personar som skal ha ein prøveperiode på en skole som ein del av godkjenning som lærar med yrkeskvalifikasjonar frå utlandet.

Etter *tredje ledd* kan kommunen og fylkeskommunen krevje politiattest av personar som

regelmessig utførar oppgåver på skole, vidaregåande skole, skolefritidsordninga, leksehjelpa eller skoleliknande tilbod. Det er ikkje plikt til å innhente politiattest i slike tilfelle, men det er eit høve til det. Døme på personar som «utførar oppgåver» på skolen, er tilsette i skolehelsetenesta eller ei sentral vaktmeisterteneste.

*Fjerde ledd* fastset kva straffebed som skal takast med i den politiattesten kommunane og fylkeskommunane skal eller kan krevje framlagt etter første ledd.

*I fjerde ledd første punktum* blir det vist til den generelle regelen i politiregisterlova § 39 første ledd. Det er dermed eit krav om at det skal komme fram av politiattesten om personen er sikta, tiltalt, har vedteke førelegg eller er dømd for brot på reglane som er ramsa opp i politiregisterlova § 39 første ledd. Dette inneber at dei fleste seksuallovbrot skal takast med i politiattesten. Av valdslovbrot skal det takast med grov kroppsskade (straffelova § 274) og drap (§ 275). Narkotikkalovbrot (straffelova §§ 231 og 232) skal også takast med. Tilvisinga til politiregisterlova § 39 første ledd inneber at dersom denne regelen seinare blir endra, vil reglane om politiattest i skolen også bli endra. Etter politiregisterlova § 39 skal drap (§ 275) og dei fleste seksuallovbrot førast opp på politiattesten etter reglane i politiregisterlova § 41 nr. 1. Det vil seie at desse lovbrota som hovudregel skal stå på politiattesten for alltid. Resten av lovbrota som er omfatta av politiregisterlova § 39, skal noterast etter reglane om ordinær politiattest i politiregisterlova § 40 og vil dermed falle bort etter ei tid.

*Fjerde ledd andre punktum* inneber eit krav om at politiattesten skal innehalde merknader om reaksjonar for brot på fleire straffebed enn det som følgjer av politiregisterlova § 39 første ledd. Regelen ramsar opp kva straffebed som er omfatta. Dette er reaksjonar for brot på reglane i straffelova om tvang (§§ 251 og 252), fridomskrenking (§§ 254 til 256), truslar (§§ 263 og 264), grov kroppskrenking (§ 272) og kroppsskade (§ 273). I tillegg skal det noterast reaksjonar for brot på reglane om tvangsekteskap (§ 253) og dessutan brot på forbodet mot kjønnslemlesting (§§ 284 og 285).

Kva reaksjonar som skal noterast på politiattesten, og kor lenge dei skal stå på politiattesten osv., følgjer av politiregisterlova § 40, jf. *fjerde ledd tredje punktum* om at merknadene skal «oppgivast i samsvar» med denne regelen.

Straff ved brot på reglane om skolemiljø etter § 11-9 skal ikkje førast på denne politiattesten.

*Femte ledd* inneber eit tilsetjingsforbod ved at personar som er dømde for eller har vedteke førelegg for seksuelle overgrep mot mindreårige, ikkje kan tilsetjast i skolar eller tilbod som nemnde i første ledd eller ha praksis. Kva straffebed som skal reknast for å vere omfatta av formuleringa «seksuelle overgrep mot mindreårige», skal fastsetjast i forskrift, jf. *sjuande ledd*.

*Sjette ledd* inneber ikkje eit tilsetjingsforbod. Ved merknader om reaksjonar for brot på andre straffebed enn reglar om seksuelle overgrep mot mindreårige skal kommunane og fylkeskommunane vurdere konkret om søkjaren bør tilsetjast, ha praksis eller utføra oppgåver ved skolen eller tilbod som nemnt i første ledd, eller ikkje.

At det skal gjerast ei konkret vurdering, hindrar kommunane og fylkeskommunane i å etablere absolute reglar om utesettenging, men det vil vere naturleg å ta utgangspunkt i at det er det å sjå bort frå merknaden som må grunngivast. Kommunen og fylkeskommunen må vurdere om merknaden gjer personen ueigna til å arbeide med elevar. Grunngivinga kan vere at lovbrotet er i det nedre sjiktet for kva det aktuelle straffebedet rammar, eller at det er gått svært lang tid sidan lovbrotet.

Etter *sjuande ledd første punktum* skal departementet fastsetje forskrift om politiattest og kva straffebed som skal vere omfatta av ordlyden «seksuelle overgrep mot mindreårige» i femte ledd.

I *sjuande ledd andre punktum* er det ein heimel for departementet til å gi forskrift om innhenting og behandling av politiattest.

#### *Til § 17-12 Skolefagleg kompetanse og kvalitetsutvikling*

Paragrafen er delvis ny. Innhaldet i paragrafen er omtalt i punkt 56, sjå særleg punkt 56.5.

*Første ledd* stiller krav om at kommune- og fylkeskommuneadministrasjonen skal ha skolefagleg kompetanse. Kravet til kommunen vidarefører dagens § 13-1 fjerde ledd, medan kravet om skolefagleg kompetanse i administrasjonen til fylkeskommunane er nytt. Det er ikkje sett kvalifikasjonskrav til den skolefaglege kompetansen. Kommunane og fylkeskommunane har stor grad av handlefridom i korleis dei skal oppfylle kravet. Dersom rektorfunksjonen og funksjonen som skolefagleg kompetanseperson er kombinert, må funksjonane haldast frå kvarandre arbeidsrettsleg, typisk ved separate arbeidsforhold for kvar av funksjonane.

*Andre ledd* erstattar dagens § 13-3 e første ledd første punktum og er ei delvis vidareføring av dagens regel. Leddet stiller krav om at kommunane og fylkeskommunane skal arbeide for å halde på og heve kvaliteten i grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa. Det inneber at kommunane og fylkeskommunane skal arbeide for at måla for opplæringa blir nådde. Kommunane og fylkeskommunane kan med heimel i § 25-4 påleggjast å gjennomføre nasjonale undersøkingar som nasjonale prøvar osv. Slike undersøkingar vil gi relevant grunnlag for arbeidet med kvalitetsutvikling, men det er ikkje eit krav om at dette grunnlaget blir nytta. Dersom ein kommune eller fylkeskommune ut frå ei forsvarleg vurdering finn at det er eit anna grunnlag som gir betre informasjon om tilstanden i skolen, kan anna grunnlag brukast i staden eller som supplement til dei nasjonale undersøkingane. Kommunane og fylkeskommunane må uansett vurdere om det er behov for meir informasjon om tilstanden i skolane enn den informasjonen som dei nasjonale undersøkingane gir.

*Tredje ledd* vidarefører dagens § 13-3e andre ledd første punktum og inneber eit krav om kvalitetsvurdering på skolenivå. Ei slik vurdering er eit sentralt grunnlag for kvalitetsutviklinga til kommunane og fylkeskommunane. Det er kommunane og fylkeskommunane som har ansvaret, men vurderinga skal skje på kvar enkelt skole. Elevar og foreldre skal involverast i arbeidet med kvalitetsvurdering, jf. § 10-4 i lova. Vidare må både rektor, lærarar og eventuelt andre tilsette involverast i arbeidet med kvalitetsvurderinga på den enkelte skolen fordi det er dei tilsette som har førstehandskunnskap om skoleverksemda og elevane. Kravet om at vurderinga skal gjerast «jamleg», inneber ikkje eit krav om eit fast intervall. Poengt er at det ikkje må gå for lang tid mellom kvar gong det blir vurdert. Denne vurderinga vil vere eit viktig grunnlag for arbeidet i kommunen med kvalitetsutvikling. Det må derfor vere gode grunnar for at vurderinga skal kunne gjerast sjeldnare enn éin gong per år.

*Fjerde ledd* fører delvis vidare dagens § 13-3 e første ledd andre punktum. Leddet stiller krav om at kommunestyret og fylkestinget skal få informasjon om læringsmiljøet, læringsresultata og gjennomføringa til elevane i opplæringa minst éin gong per år. Det blir ikkje stilt krav om at informasjonen må givast til kommunestyret og fylkestinget i ein «rapport», og det er heller ikkje nødvendig at informasjonen om dei tre områda blir gitt samla. Kommunane og fylkeskommunane kan sjølv vurdere kva slags rapportering som er tenleg

for dei ut frå lokale forholda. Ein måte å oppfylle kravet på er å rapportere i ein årleg tilstandsrapport eller ei kvalitetsmelding.

## Femte del – førebuande opplæring og vidaregåande opplæring for vaksne

Kapittel 18 Rett til førebuande opplæring og vidaregåande opplæring for vaksne

### Til § 18-1 Formålet med opplæringa for vaksne

Paragrafen er delvis ny, og han fører delvis vidare dagens lov § 4A-6 første ledd første punktum. Paragrafen er omtalt i punkt 43.8.

At formålet og dei overordna måla og prinssippa for opplæringa gjeld «så langt det passar», betyr at det må takast omsyn til at deltakarar i opplæringa for vaksne skil seg frå elevar på grunn av alder og livssituasjon. Det er enkelte element i formålet og dei overordna måla og prinssippa for opplæringa, som samarbeid med heimen, som ikkje passar for vaksne. I tillegg vil danningsperspektivet vere tona meir ned i opplæringa for vaksne enn i opplæringa for barn og unge.

Tilleggsformålet i *andre punktum* om at opplæringa må kunne byggje på den kompetansen vaksne allereie har, og leggjast opp slik at opplæringa kan gjennomførast så raskt som mogleg, blir mellom anna støtta opp under av reglane om realkompetansevurdering i § 18-8 og reglane om organisering av opplæringstilbodet i § 19-2.

### Til § 18-2 Rett til førebuande opplæring for vaksne

Paragrafen er delvis ny, og han fører delvis vidare dagens lov § 4A-1 første ledd. Paragrafen er omtalt i punkt 43.4.

Paragrafen handlar om rett til førebuande opplæring for vaksne. For førebuande opplæring for vaksne gjeld femte del av lovforslaget. Den første, sjuande og åttande delen i lovforslaget gjeld generelt, og det følgjer av kvar enkelt paragraf om han gjeld for opplæring for vaksne. Reglane i den andre, tredje og fjerde delen gjeld ikkje for opplæring for vaksne med mindre det er fastsett i den femte delen at ein regel gjeld. Dei som får førebuande opplæring for vaksne, blir omtalte i lova som «vaksne deltakarar» eller «deltakarar», uavhengig av om dei har rett til slik opplæring eller ikkje, og uavhengig av alder.

Retten til førebuande opplæring for vaksne er avhengig av at vaksne sokjer om slik opplaering.

Hovudvilkåret i *første ledd* er at den vaksne treng opplæring. Behovet for førebuande opplæring kan vere knytt til fag, delar av fag eller grunn-

leggjande ferdigheiter. Med grunnleggjande ferdigheiter er det meint dei grunnleggjande ferdighetene i læreplanverket som er fastsette med heimel i § 1-4. Etter gjeldande læreplanverk er dei grunnleggjande ferdighetene lesing, rekning, skriving, munnlege ferdigheiter og digitale ferdigheiter. Vaksne kan få opplæring i andre ferdigheiter enn ferdighetene i læreplanverket som ein del av opplæringa, inkludert individuelt tilrettelagd opplæring for å utvikle og halde ved like grunnleggjande ferdigheiter, sjá § 19-6. Eit behov for å utvikle eller halde ved like andre grunnleggjande ferdigheiter enn ferdighetene i læreplanverket gir ikkje i seg sjølv rett til førebuande opplæring.

Vilkåret i *første ledd* om at ein ikkje lenger kan ha rett til grunnskoleopplæring etter § 2-1, betyr at ein må ha avslutta 10. trinn eller vere over den alderen då 10. trinn blir avslutta (grunnskolepliktig alder).

I *andre ledd første punktum* er det ramsa opp tilfelle der ein vaksen har rett til førebuande opplæring. Opprampsinga er ikkje uttømmande, men viser dei tilfella der vaksne normalt kan ha behov for og dermed rett til førebuande opplæring. I vurderinga av om vaksne tidlegare har fått tilfredsstilande opplæring, skal det takast utgangspunkt i kor mange år med opplæring på grunnskolenivå den vaksne tidlegare har fått. I tillegg er kvalitetten på opplæringa relevant. Det må vurderast om opplæringa var forsvarleg og tilstrekkeleg ut frå regelverket på det tidspunktet opplæringa vart gitt. Personar med opplæring på grunnskolenivå frå andre land må bedømmast ut frå dei behova for opplæring dei har etter norske forhold.

At vaksne kan ha rett til førebuande opplæring dersom dei har behov for opplæring i fag eller grunnleggjande ferdigheiter som ikkje var ein del av læreplanen då dei fekk grunnskoleopplæring, inneber ein rett til fornya opplæring. Rett til slik fornya opplæring vil gjelde tilfelle der ein person har fått tilstrekkeleg grunnskoleopplæring, men der det er endringar i kompetansemål og ferdigheter som følgje av endringar i samfunnet, slik at den opphavlege opplæringa ikkje gjer vedkommande i stand til å fungere godt i dagens samfunn. Ikkje alle endringar i læreplanane gir rett til fornya opplæring. Det må vere vesentlege endringar. Per i dag er det berre opplæring i digitale ferdigheter som er aktuelt for fornya opplæring.

Behovet for ny førebuande opplæring «på grunn av skade eller sjukdom» må knyte seg til opplæring i fag, delar av fag eller grunnleggjande ferdigheter i læreplanverket som er fastsette med heimel i § 1-4. Sjølv om vilkåra for førebuande opplæring er oppfylte, kan omstende ved den prak-

tiske gjennomføringa tilseie at tenesta den enkelte skal få, ikkje er førebuande opplæring. Til dømes vil vaksne etter skade og sjukdom ofte ha eit meir akutt behov for opptrening av desse ferdighetene enn det som kan oppfyllast gjennom den førebuande opplæringa. Opptrening og rehabilitering etter skade som blir gjennomført av helsepersonell på behandlingsinstitusjonar, vil ikkje vere førebuande opplæring.

*Andre ledd andre punktum* om at det skal takast omsyn til «kva den vaksne sjølv meiner» inneber at det ikkje skal vere ein høg terskel for å få rett til førebuande opplæring for vaksne. Samtidig vil ikkje det den vaksne sjølv meiner alltid vere avgjerande. Om den vaksne oppfyller vilkåra for rett til førebuande opplæring, skal vere ei heilsakleg vurdering der det skal leggjast vekt på kva den vaksne sjølv meiner.

Retten til førebuande opplæring gjeld i utgangspunktet så lenge vilkåra for retten er oppfylt.

Avgrensinga i *tredje ledd* om at retten ikkje gjeld for dei som har rett til vidaregåande opplæring etter kapittel 5, inneber at dei som oppfyller vilkåra for rett til vidaregåande opplæring for ungdom, ikkje også har rett til førebuande opplæring for vaksne. Sjá merknaden til § 5-1 om kven som har rett til vidaregåande opplæring for ungdom. Kommunen og fylkeskommunen kan likevel gi førebuande opplæring til dei som har rett til vidaregåande opplæring etter § 5-1, men som treng meir grunnskoleopplæring, jf. § 9-7.

#### Til § 18-3 Rett til vidaregåande opplæring for vaksne

Paragrafen fører delvis vidare dagens lov § 4A-3 *første ledd*. Paragrafen er omtalt i punkt 40.2 og 43.5.

Paragrafen handlar om rett til vidaregåande opplæring for vaksne. For vidaregåande opplæring for vaksne gjeld femte del av lovforslaget. Den første, sjuande og åttande delen i lovforslaget gjeld generelt, og det følgjer av kvar enkelt paragraf om han gjeld for opplæring for vaksne. Reglane i andre, tredje og fjerde del gjeld ikkje for opplæring for vaksne med mindre det er fastsett i den femte delen at ein regel gjeld. Dei som får vidaregåande opplæring for vaksne, blir omtalte i lova som «vaksne deltakarar» eller «deltakarar», uavhengig av om dei har rett til slik opplæring eller ikkje.

*Første ledd* regulerer kven som har rett til vidaregåande opplæring for vaksne.

Kva som skal til for å reknast for å ha «fullført grunnskoleopplæring eller tilsvarande opplæring»

jf. *første ledd første punktum*, er nærmere definert i forskrift til opplæringslova. Dei som har fullført opplæring på grunnskolenivå for vaksne, i lova kalla «førebuande opplæring», har også oppfylt dette vilkåret. Det er presisert i lova at rett til vidaregåande opplæring for vaksne gjeld frå det skoleåret som byrjar det året ein fyller 19 år. Før dette, og fram til ein er 24 år, kan ein ha rett til vidaregåande opplæring for ungdom etter § 5-1. Dette betyr at dei i alderen mellom 19 og 24 år kan velje mellom vidaregåande opplæring for ungdom og vidaregåande opplæring for vaksne.

Vilkåret i *første ledd første punktum* om at ein ikkje allereie har studiekompetanse eller yrkeskompetanse, inneber at ein har rett til vidaregåande opplæring for vaksne fram til ein har oppnådd studie- og yrkeskompetanse, uavhengig av kor lang tid ein bruker på å oppnå slike kompetanse. Dei som har oppnådd ein sluttkompetanse på eit lågare nivå enn studie- eller yrkeskompetanse, i dag omtalt som grunnskoleopplæring, vil ha retten til vidaregåande opplæring i behald fram til dei har oppnådd full studie- eller yrkeskompetanse.

Det følgjer av *første ledd andre punktum* at ein også har rett til vidaregåande opplæring dersom ein har fullført vidaregåande opplæring i eit anna land, men ikkje har fått denne godkjend i Noreg. At opplæringa ikkje blir godkjend i Noreg, betyr at opplæringa ikkje gir generell studiekompetanse etter GSU-lista (generell studiekompetanse for utanlandske søkerar) eller ikkje blir godkjend av norske styresmakter som sidestilt med norsk fag- eller sveinebrev. Dersom opplæringa ikkje har vorte vurdert av norske styresmakter, skal ho i utgangspunktet reknast som ikkje godkjend.

*Andre ledd* fastset hovudregelen om inntak til vidaregåande opplæring for vaksne. Nærare inntaksreglar blir fastsette i forskrift med heimel i femte ledd. Inntaksreglane gjeld også dersom ein søker har rett til vidaregåande opplæring etter § 18-4. Retten til inntak på eit opplæringstilbod som fører fram til éin av tre ønskte sluttkompetansar, gjeld innanfor det fylkeskommunane tilbyr. Planlegginga og utbygginga til fylkeskommunen (dimensjoneringa) av det vidaregåande tilbodet er regulert i § 19-11, jf. § 5-3. At fylkeskommunane skal sørge for at vaksne «med betydeleg realkompetanse knytt til ein yrkeskompetanse får høva til å formalisera denne kompetansen gjennom fag- eller sveinebrev», gir ikkje ein individuell rett for den enkelte til å kunne formalisere ein bestemt yrkeskompetanse. Plikta kan oppfyllast ved å formidle læreplass, gi opplæringstilbod eller på andre måtar leggje til rette for at søkeren kan

oppnå fag- eller sveinebrev. Andre måtar kan vere å tilby kurs som grunnlag for teoriprøve, slik at den vaksne kan ta fagbrev som praksiskandidat eller leggje til rette for fagbrev på jobb. Kva som er realkompetanse, må vurderast konkret av fylkeskommunen. Vilkåret vil vere oppfylt dersom den vaksne har kunnskap og ferdigheter på eit slikt nivå og av eit slikt omfang at ho eller han kan formalisere kompetansen gjennom dei ovannemnde ordningane, eventuelt med opplæring i enkelte fag i tillegg. Det vil då vere opp til den vaksne om han eller ho vil nytte eit tilbod om formalisering av kompetansen eller søkje inntak på opplæringstilbod som gir éin av tre sluttkompetansar.

*Tredje ledd* regulerer tilfelle der vaksne blir tatt inn i vidaregåande opplæring for ungdom. At dei får dei same rettane og pliktene, inneber også at dei får rett til å fullføre opplæringsløpet på lik linje med dei som har rett til slike tilbod. Det er opp til fylkeskommunane om dei vil tilby ein vaksen å ta vidaregåande opplæring for ungdom, og den vaksne vel sjølv om han eller ho vil ta imot eit slikt tilbod. Dei mellom 19 og 24 år har likevel rett til velje mellom vidaregåande opplæring for ungdom og vidaregåande opplæring for vaksne, jf. § 5-1 tredje ledd.

*Fjerde ledd* gir departementet heimel til å gi forskrift om kven som har rett til vidaregåande opplæring for vaksne, og om inntaket. Forskriftsreglane kan ikkje innskrenke rettar etter lova, men kan utfylle lova. Til dømes kan det regulerast i forskrift på kva grunnlag ein blir rekna for å ha fullført grunnskoleopplæring eller tilsvarande opplæring. Det kan med heimel i denne bli gitt forskriftsreglar om alt inntak til vidaregåande opplæring for vaksne, inkludert inntak til rekvalifisering etter § 18-4, inntak av vaksne utan rett etter § 18-5, formidling til læreplass eller inntak til alternativt tilbod etter § 18-6 og inntak til påbygging eller opplæring fram mot studiekompetanse etter § 18-7.

#### *Til § 18-4 Rett til yrkesfagleg rekvalifisering*

Paragrafen er ny og er omtalt i punkt 40.3.

Paragrafen fastset ein rett til yrkesfagleg rekvalifisering. Dette inneber ein rett til fag- og yrkesopplæring for personar som allereie har ein fullført og bestått studie- eller yrkeskompetanse, og som derfor ikkje har rett til vidaregåande opplæring etter §§ 5-1 eller 18-3. Retten er avgrensa til opplæring fram mot éin ny yrkeskompetanse. Dei som nyttar seg av retten til yrkesfagleg rekvalifisering, blir omfatta av reglane om vidaregåande opplæring for vaksne.

*Til § 18-5 Vidaregåande opplæring for vaksne utan rett*

Paragrafen erstattar delvis dagens opplæringslov § 13-3 tredje ledd og er delvis ny. Paragrafen er omtalt i punkt 43.9 og 43.10.

*Første ledd* presiserer at fylkeskommunen kan gi vidaregåande opplæring til dei som har brukt opp retten til vidaregåande opplæring. Dette omfattar dei som har oppnådd studiekompetanse eller yrkeskompetanse, og som i tillegg har brukt retten til rekvalifisering etter § 18-4 eller påbygging eller opplæring fram til generell studiekompetanse etter §§ 5-7 eller 18-7. Fylkeskommunen har inga plikt til å tilby opplæring til dei som ikkje har rett til vidaregåande opplæring etter kapittel 5 eller kapittel 18.

*Andre ledd* inneber at fylkeskommunane kan tilby opplæring på vidaregåande nivå også til vaksne som ikkje oppfyller vilkåret i første ledd om fullført grunnskoleopplæring eller tilsvarande opplæring. Fylkeskommunen avgjer sjølv om han vil tilby opplæring til denne gruppa. Denne avgjerala byggjer på eit forvaltingsskjønn som tilsynsmakta og domstolane ikkje kan overprøve. Vaksne har ikkje rett til vidaregåande opplæring i slike tilfelle. Fylkeskommunane kan tilby opplæring innanfor alle fag i vidaregåande opplæring. Kombinerte tilbod med førebuande og vidaregåande opplæring må givast i samarbeid med kommunen, som er ansvarleg for den førebuande opplæringa for vaksne etter § 18-2, jf. § 28-1. Kombinert opplæring på førebuande og vidaregåande nivå vil typisk kunne vere aktuelt der deltakaren har realkompetanse innanfor eit yrkesfag, men elles manglar ein del opplæring på grunnskolenivå. Det kan også vere aktuelt dersom deltakaren berre manglar opplæring i nokre fag på grunnskolenivå og elles er i stand til å følgje fag på vidaregåande nivå. Fylkeskommunane kan ikkje utferde dokumentasjon på studie- eller yrkeskompetanse før også den førebuande opplæringa er fullført.

*Tredje ledd* regulerer kva reglar som gjeld når vaksne utan rett til vidaregåande opplæring blir tekne inn til slik opplæring. At dei får dei same rettane og pliktene, inneber også at dei får rett til å fullføre opplæringsløpet på lik linje med dei som har rett til vidaregåande opplæring.

*Til § 18-6 Rett til læreplass eller anna tilbod i den vidaregåande opplæringa for vaksne*

Paragrafen er ny og er omtalt i punkt 43.6.

*Første ledd* inneber at vaksne som ikkje får tilbod om læreplass, har rett til eit anna opplærings-

tilbod. Retten gjeld for vaksne som er tekne inn på tilbod med ein sluttkompetanse der læreplanen føreset opplæring i bedrift. Eit slikt anna opplæringstilbod treng ikkje vere særskilt organisert for vaksne, men kan vere kombinerte ungdoms- og vaksentilbod. Sjå elles merknaden til § 5-6.

*Andre ledd* slår fast at reglane i kapittel 7 gjeld når vaksne får opplæring i bedrift.

*Til § 18-7 Påbygging og opplæring fram til generell studiekompetanse*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 4A-3 sjuande ledd med endringar. Paragrafen er omtalt i punkt 43.7.

At paragrafen gjeld for påbygging til generell studiekompetanse frå det skoleåret som byrjar det året ein fyller 19 år, må sjåast i samanheng med at retten til påbygging til generelle studiekompetanse for dei under 19 år er regulert i § 5-7. Sjå merknaden til § 5-7.

Med «bestått fag- og yrkesopplæring» i *første ledd* er det meint bestått opplæringsløp i tråd med læreplanverket som dannar grunnlag for utferding av vitnemål. Dei som til dømes har fått fag- eller sveinebrev gjennom praksiskandidatordning eller ordninga med fagbrev på jobb, vil derfor ikkje ha rett til påbygging. Dei vil likevel ha rett til opplæring fram mot studiekompetanse etter andre ledd.

Med «yrkeskompetanse utan å ha bestått fellesfaga» i *andre ledd* er det særleg sikta til dei tilfella fag- eller sveinebrev blir oppnådd på slikt grunnlag. Andre ledd vil ikkje vere aktuelt ved yrkeskompetanse i lærefag som ikkje blir avslutta med fag- eller sveineprøve, ettersom det per i dag ikkje finst ordningar for å oppnå slik kompetanse utan at fellesfaga inngår. Med «fellesfaga som normalt inngår i opplæringsløpet» er det sikta til fellesfaga som inngår i læreplanane fram mot den aktuelle yrkeskompetansen etter § 5-4, og også etter § 19-1 dersom det blir brukt felles læreplanar. Dei som har fullført og bestått modulisert fag- og yrkesopplæring for vaksne, vil ikkje ha opplæring i alle fellesfaga som normalt inngår i opplæringsløpet fram mot den aktuelle yrkeskompetansen. Desse vil då ikkje ha rett til påbygging til generell studiekompetanse etter første ledd. I staden vil dei ha rett til vidaregåande opplæring fram mot generell studiekompetanse etter andre ledd. Kva slags opplæring den enkelte treng, må vurderast konkret ut frå kompetansen til den enkelte, jf. 19-1 første ledd. Dei som til dømes har oppnådd fag- eller sveinebrev gjennom fagbrev på jobb- eller praksiskandidatordninga, vil også ha

rett til vidaregåande opplæring fram mot studiekompetanse etter andre ledd.

#### *Til § 18-8 Realkompetansevurdering*

Paragrafen er ei delvis vidareføring av dagens lov § 4A-3 femte ledd. Paragrafen er omtalt i punkt 43.12.

Med realkompetanse siktar ein til både den formelle, den ikkje-formelle og den uformelle kompetansen vedkommande har. Formålet med realkompetansevurdering er å avgjere kva slags kompetanse den vaksne har, og kva slags opplæring den vaksne skal ha, ikkje om den vaksne har rett til førebuande opplæring eller vidaregåande opplæring. Korleis realkompetansevurderinga skal gjennomførast, kan avhenge av både nivå og om formålet er sluttvurdering eller innpassering. For innpassering i førebuande opplæring kan realkompetansevurderinga vere ein type kartlegging eller testing for å finne ut kva kompetanse søkeren har i dei ulike faga eller ferdighetene, og ikkje nødvendigvis ei fullstendig realkompetansevurdering slik som når vurderinga skal danne grunnlag for dokumentasjon på sluttkompetanse. Det er fastsett nærmere reglar om realkompetansevurdering i forskrift, og Utdanningsdirektoratet har utarbeidd nasjonale retningslinjer for realkompetansevurdering. Retten til realkompetansevurdering må sjåast i samanheng med at opplæringa til vaksne skal byggje på kompetansen til deltakaren, jf. § 18-1 første ledd.

Det er kommunen og fylkeskommunen som har ansvaret for å oppfylle retten til realkompetansevurdering på høvesvis førebuande og vidaregåande opplærings nivå. Plikten til å tilby realkompetansevurdering og dokumentasjon på slik vurdering er ein del av ansvaret til kommunen og fylkeskommunen etter §§ 28-1 og 28-2.

#### *Til § 18-9 Gratis opplæring for vaksne*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 4A-1 tredje ledd og § 4A-3 fjerde ledd. Paragrafen er omtalt i punkt 43.11.

Reglane gjeld også dersom vaksne utan rett til opplæring blir tekne inn på tilbod med førebuande eller vidaregåande opplæring i regi av kommunen og fylkeskommunen. Sjå elles merknader til §§ 2-5 og 5-8.

#### *Til § 18-10 Rett til opplæring for vaksne som ikkje har opphaldsløyve*

Paragrafen er ei delvis vidareføring av reglane i dagens lov § 4A-1 fjerde ledd og 4A-3 åttande ledd og er omtalt i punkt 41.

*Første ledd første punktum* presiserer hovudregelen om at ein må ha lovleg opphold i landet for å få rett til førebuande opplæring for vaksne. Dei som oppheld seg ulovleg i landet, vil følgjeleg ikkje ha rett til slik opplæring. Det er reglane i utlendingslova som avgjer om dei som søker om opphaldsløyve, kan opphalde seg lovleg i Noreg.

*Første ledd andre punktum* innskrenkar hovudregelen i første punktum, ved at dei som oppheld seg lovleg i landet i vente på å få avgjort søknad om opphaldsløyve, ikkje har rett til førebuande opplæring lenger enn ut det skoleåret som byrjar det året ein fyller 18 år. Retten til førebuande opplæring for dei under 18 år som søker om opphaldsløyve i landet, medfører ikkje rett til å få opphaldsløyve og er ikkje til hinder for effektuering av vedtak om avslag på søknad om opphaldsløyve. Nordiske borgarar treng ikkje søkje opphaldsløyve i Noreg. Det same gjeld som hovudregel utlendingar som blir omfatta av EØS-avtalen og EFTA-konvensjonen. Det er reglane i utlendingslova som avgjer kven som treng opphaldsløyve for å opphalde seg i Noreg.

*Første ledd tredje punktum* avgrensar retten til førebuande opplæring for dei som får avslag på søknaden om opphaldsløyve. Desse har rett til opplæring fram til tidspunktet for vedtak om endelig avslag på søknaden om opphaldsløyve. Endelig vedtak vil normalt vere anten avslag frå klageinstansen (Utlendingsnemnda) eller avslag frå førsteinstansen (Utlendingsdirektoratet) som ikkje er klaga på innan utløpet av klagefristen. Kva som er det endelege vedtaket, kjem fram av reglane i utlendingslova.

*Andre ledd* slår fast at dei som oppheld seg ulovleg i Noreg, ikkje har rett til vidaregåande opplæring for vaksne. Det same gjeld dei som oppheld seg i Noreg lovleg i vente på å få avgjort ein søknad om opphaldsløyve.

#### *Til § 18-11 Plikt til oppmøte og aktiv deltaking i opplæringa for vaksne*

Paragrafen er ny og er omtalt i punkt 43.26.

Plikta til å møte opp i *første ledd* inneber å møte opp til den tida og på den staden som er bestemt av kommunane og fylkeskommunane. Det skal ikkje vere ein høg terskel for å oppfylle kravet om å delta aktivt. Den vaksne må vere til stades for å

få opplæring og sjølv bidra for å tilegne seg kunnskap. Dersom vaksne deltakarar skal kunne visast bort eller det skal brukast andre tiltak ved brot på plikta til å møte opp og delta aktivt, må dette komme fram i dei lokale reglane som kan fastsetjast for kvar enkelt opplæringsstad, jf. § 20-3.

Dersom kommunane eller fylkeskommunane gir permisjon frå opplæringa, jf. *andre ledd*, vil det ikkje vere eit brot på oppmøteplichta i første ledd. Det er opp til kommunane og fylkeskommunane å bestemme kva slags tilfelle som skal gi grunnlag for permisjon. Desse avgjerdene byggjer på eit forvaltingsskjønn som tilsynsmakta og domstolane ikkje kan overprøve. Reglar om kva som gir grunnlag for permisjon, bør nedfellast i lokale reglar etter § 20-3. For deltakarar som får førebuande opplæring eller vidaregåande opplæring som ein del av introduksjonsprogrammet, gjeld også reglane om fråvær i forskrift til integreringslova.

## Kapittel 19 Innhaldet i og organiseringa av den førebuande opplæringa og den vidaregåande opplæringa for vaksne

### *Til § 19-1 Innhald, vurdering og dokumentasjon i opplæringa for vaksne*

Paragrafen vidarefører delar av dagens lov § 4A-1 første ledd tredje punktum, § 4A-3 første ledd tredje punktum og § 4A-6 med enkelte endringar. Paragrafen er omtalt i punkt 43.13 og 43.14.

Kravet i *første ledd første punktum* inneber at dei overordna måla og prinsippa for opplæringa gjeld så langt dei passar for opplæringa for vaksne, jf. § 18-1. Vidare skal opplæringa vere i samsvar med læreplanar for fag etter andre ledd.

Kravet i *første ledd andre punktum* inneber at opplæringa skal byggje vidare på og komplettere realkompetansen til den vaksne deltakaren. Realkompetansevurderinga etter § 18-8 vil danne grunnlaget for vurderinga av kva slags opplæring den vaksne skal ha. Dette gjeld også for dei som blir tekne inn til opplæring for vaksne utan å ha rett til slik opplæring, og som dermed ikkje oppfyller vilkåra for rett til realkompetansevurdering etter § 18-8. Dersom ein som ikkje har rett til realkompetansevurdering, blir teken inn til opplæring for vaksne, vil vedkommande dermed få rett til realkompetansevurdering. Sjå likevel dagens forskrift til opplæringslova § 6-48 om at den enkelte kan påleggjast å betale for realkompetansevurderinga.

At opplæringa skal byggje på kompetansen til deltakaren, inneber ikkje at kommunane og fylkeskommunane må lage eit eige, skreddarsydd

opplæringsløp for kvar enkelt deltakar. Dei opplæringsløpa som kommunane og fylkeskommunane etablerer, må likevel leggje til rette for at deltakaren berre må ta opplæring i dei faga eller dei delane av faga deltakaren treng.

*Andre ledd* gir heimel for å fastsetje eigne læreplanar for førebuande og vidaregåande opplæring for vaksne. For førebuande opplæring for vaksne vil det bli fastsett eigne, modulstrukturerte læreplanar. For vidaregåande opplæring for vaksne vil det bli fastsett eigne, modulstrukturerte læreplanar i enkelte lærefag, mens det for øvrig vil vere dei same læreplanane som etter § 1-4. Heimelen for eigne læreplanar for opplæringa for vaksne er ikkje til hinder for at det blir behalde felles læreplan for barn, unge og vaksne, til dømes i enkelte fag. Læreplanane for fag gjeld for den opplæringa den vaksne faktisk skal ha. Dersom ein deltakar på grunn av vurdering av realkompetanse eller ut frå eige ønske berre skal ha opplæring i delar av eit fag, er det berre den aktuelle delen av læreplanen som skal leggjast til grunn for opplæringa.

*Tredje ledd* gir vaksne deltakarar rett til individuell vurdering og dokumentasjon av opplæringa. Med individuell vurdering er det meint underveisvurdering og sluttvurdering. Dokumentasjon av opplæringa er vitnemål og kompetansebevis. Departementet fastset nærmere reglar om individuell vurdering og dokumentasjon i forskrift med heimel i *tredje ledd andre punktum*.

### *Til § 19-2 Organisering av opplæringa for vaksne*

Paragrafen vidarefører delar av dagens lov § 4A-1 første ledd tredje punktum og § 4A-3 første ledd tredje punktum. Paragrafen er omtalt i punkt 43.22.

Med ordlyden «eit særskilt tilbod for vaksne» i *første ledd* er det meint eit eige opplæringstilbod for vaksne, i motsetning til at opplæringa blir organisert felles med opplæringa for barn og unge. Sjå likevel merknaden til § 18-6 om at opplæringstilbod til dei som ikkje får tilbod om læreplass, ikkje treng å vere særskilt organisert for vaksne.

Kravet i *andre ledd første punktum* er at opplæringa skal «tilpassast livssituasjonen» til deltakarane. Døme på tilpassingar er komprimert opplæringstid, kveldsundervisning og fjernundervisning. At opplæringa skal tilpassast livssituasjonen til deltakarane, inneber ikkje at kommunane og fylkeskommunane må lage eit eige skreddarsydd opplæringstilbod for kvar enkelt deltakar. Dei tilboda som kommunane og fylkeskommunane etablerer, må likevel leggje til rette for at deltakarar

med ulike livssituasjoner kan nytte seg av tilbodet. *Andre ledd andre punktum* slår fast at opplæringa kan givast som fjernundervisning.

*Tredje ledd første punktum* slår fast at kommunane og fylkeskommunane kan bruke andre rettssubjekt til å gi vaksne eit opplæringstilbod, typisk private selskap. Til dømes kan det vere aktuelt å bruke studieforbund. Kommunane og fylkeskommunane vil framleis ha ansvaret for at deltakarane får opplæring i samsvar med lova, sjølv om dei nytta andre rettssubjekt til å gi opplæringa. *Tredje ledd andre punktum* inneber eit delegeringsforbod når det gjeld å dokumentere opplæringa som den vaksne har fått, til dømes utferde kompetansebevis eller vitnemål. Andre avgjerder kan delegerast, jf. kommunelova § 5-4.

#### *Til § 19-3 Bokmål og nynorsk i opplæringa for vaksne*

Paragrafen er ny og er omtalt i punkt 43.18.

Sjå merknaden til § 6-1 andre ledd. I motsetting til elevar i vidaregåande opplæring har ikkje deltakarar i opplæring for vaksne rett til å velje om lærerimbla skal vere på bokmål eller nynorsk. Dette har samanheng med at parallellitetskravet i § 15-3 tredje ledd heller ikkje gjeld førebuande og vidaregående opplæring for vaksne.

#### *Til § 19-4 Rett til opplæring i og på samisk for vaksne deltakarar*

Paragrafen er ny og er omtalt i punkt 43.19.

Paragrafen gjeld samiske deltakarar. Med samar meinast her dei som kan skrivast inn i Sametingets valmanntal jf. samelova § 2-6 første ledd, og barna deira. At ein «kan» skrivast inn i valmanntalet, betyr at det ikkje er eit krav at verken deltakaren eller foreldra faktisk er registrerte i Sametingets valmanntal. Det er nok at deltakaren tilfredsstiller kravet til å kunne bli registrert, eller at foreldra kan registrerast.

*Første punktum* inneber at retten til førebuande og vidaregåande opplæring for vaksne omfattar ein rett til opplæring i samisk for samiske deltakarar.

*Andre punktum* gjeld berre førebuande opplæring og handlar om retten til opplæring på samisk. Retten til opplæring på samisk i opplæringa for vaksne er ikkje den same som retten til opplæring på samisk for barn og unge etter § 3-2. Vilkåret for retten til opplæring på samisk er at det er «nødvendig for å få forsvarleg utbytte av opplæringa». I vurderinga av om vilkåret er oppfylt, skal det leggjast vekt på føresetnadene til deltakaren og moglegheita til utbytte av opplæringa. I praksis har

deltakarar i opplæringa for vaksne berre rett til opplæring på samisk dersom dei ikkje kan følgje opplæringa på norsk. Sjå omtalen av kva forvaltningsområdet for samiske språk er, i merknaden til § 3-2 andre ledd.

#### *Til § 19-5 Tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging for vaksne deltakarar*

Paragrafen er delvis ny, og vidarefører delvis dagens lov § 4A-1 første ledd tredje punktum, § 4A-3 første ledd tredje punktum og § 4A-12. Paragrafen er omtalt i punkt 43.15 og 43.16.

*Første ledd* fastset at kravet om tilpassa opplæring i § 11-1 også gjeld førebuande og vidaregåande opplæring for vaksne. Sjå merknaden til § 11-1.

*Andre ledd* fastset kva rettar til individuell tilrettelegging som vaksne i førebuande opplæring har. Sjå merknadene til §§ 11-4 til 11-11 og og § 11-13.

*Tredje og fjerde ledd* fastset kva rettar til individuell tilrettelegging som vaksne i vidaregåande opplæring har. Regelen er tilsvarende det som er regulert i likestillings- og diskrimineringslova (ldl.) § 21. Sjå merknaden til ldl. § 21 i Prop. 84 L (2016–2017), kapittel 30.

#### *Til § 19-6 Opplæring for å utvikle eller halde ved like grunnleggjande ferdigheiter i den førebuande opplæringa for vaksne*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 4A-2 andre ledd. Paragrafen er omtalt i punkt 43.16.

Med «grunnleggjande ferdigheiter» meiner ein både grunnleggjande ferdigheiter etter læreplanverket og andre grunnleggjande ferdigheiter, som til dømes trening i aktivitetar i daglelivet (ADL-trening). Retten til individuell tilrettelegging etter denne paragrafen føreset at den vaksne har rett til førebuande opplæring etter § 18-2. Sjå elles merknadene til §§ 11-4 til 11-11 og § 11-13.

#### *Til § 19-7 Alternativ supplerande kommunikasjon (ASK) i opplæringa for vaksne*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 4A-13. Paragrafen er omtalt i punkt 43.17.

Paragrafen inneber at § 11-12 også gjeld for vaksne deltakarar i førebuande og vidaregåande opplæring. Sjå merknaden til § 11-12. Paragrafen utvider ikkje retten til individuell tilrettelegging. Deltakarane har dermed berre rett til opplæring i bruk av alternativ supplerande kommunikasjon innanfor retten til tilrettelagd opplæring i §§ 19-5 og 19-6.

*Til § 19-8 Særskild språkopplæring for vaksne deltakarar*

Paragrafen er ny og er omtalt i punkt 43.20.

*Første ledd* inneber at § 3-6 også gjeld for deltakarar i førebuande opplæring for vaksne. Sjå merknaden til § 3-6.

*Andre ledd* inneber at deltakarar i vidaregåande opplæring for vaksne har rett til forsterka opplæring i norsk på same vilkår som elevar i vidaregåande opplæring. Deltakarar i opplæringa for vaksne har derimot ikkje rett til morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring i fag. Fylkeskommunane kan likevel velje å tilby dette. Sjå merknaden til § 6-5 første ledd om forsterka norskopplæring.

*Til § 19-9 Opplæring i og på norsk teiknspråk for vaksne deltakarar*

Paragrafen er ny og er omtalt i punkt 43.21.

Paragrafen gjeld deltakarar i den førebuande og den vidaregåande opplæringa for vaksne.

*Første punktum* gir deltakarar med høyrshemmning rett til opplæring i norsk teiknspråk. Sjå merknadene til tilsvarande reglar for barn og unge i § 3-4 første ledd første punktum og § 6-3 første ledd første punktum når det gjeld vilkåret om høyrshemmning. Vaksne deltakarar har ikkje rett til eit visst antal timer med opplæring i norsk teiknspråk.

*Andre punktum* gir deltakarar med høyrshemmning rett til opplæring på norsk teiknspråk eller opplæring ved hjelp av teiknspråktolk. Deltakarane har berre rett til å få opplæring på teiknspråk, altså opplæring gitt av ein teiknspråkleg lærar, dersom det finst slike tilbod som den vaksne blir teken inn på. Elles vil den vaksne ha rett til å få opplæring ved bruk av tolk.

Kommunane og fylkeskommunane avgjer kvar opplæringa etter første og andre punktum skal skje, og korleis ho skal organiserast, jf. § 19-2.

*Til § 19-10 Opplæring i punktskrift for vaksne deltakarar*

Paragrafen er ny og er omtalt i punkt 43.21.

*Første ledd* slår fast at §§ 3-5 og 6-4 gjeld for deltakarar i førebuande og vidaregåande opplæring for vaksne. Sjå merknaden til §§ 3-5 og 6-4. Andre ledd slår fast at deltakarane også har rett til opplæring i mobilitet etter § 11-5 andre ledd. Sjå merknaden til § 11-5 andre ledd. Vaksne deltakarar har ikkje rett til eit visst antal timer med opplæring i punktskrift og mobilitetstrening.

*Til § 19-11 Planlegginga og utbygginga av det vidaregåande opplæringstilbodet for vaksne*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 4A-4 første ledd, jf. § 13-3 femte ledd. Paragrafen er omtalt i punkt 43.5.4.3.

Paragrafen fastset at reglane i § 5-3 om planlegginga og utbygginga (dimensjonering) av det vidaregåande opplæringstilbodet også gjeld for opplæringstilbodet til vaksne. Sjå merknaden til § 5-3.

*Til § 19-12 Rådgiving om utdannings- og yrkesval i opplæringa for vaksne*

Paragrafen er delvis ny, og vidarefører delvis § 4A-8. Paragrafen er omtalt i punkt 43.27.

Plikta for kommunane og fylkeskommunane til å sørge for rådgiving for deltakarar i førebuande opplæring og vidaregåande opplæring for vaksne i *første ledd* gir ikkje ein individuell rett til rådgiving for den enkelte. Kommunane og fylkeskommunane vurderer korleis dei vil oppfylle plikta, og korleis dei vil organisere slike tilbod. Kommunane og fylkeskommunane kan vurdere om og i kva grad dei vil ha eit tilbod på kvar opplæringsstad, eller om dei vil samarbeide med andre opplæringsstader eller med fylkesvise karrieresenter.

*Til § 19-13 Kompetansekrav i opplæringa for vaksne*

Første ledd vidarefører dagens lov § 4A-5, medan andre ledd er nytt. Paragrafen er omtalt i punkt 43.29.

*Første ledd* fastset at reglane i §§ 17-3, 17-4 og 17-5 gjeld for dei som skal tilsettast i førebuande opplæring og vidaregåande opplæring for vaksne. Sjå merknaden til §§ 17-3, 17-4 og 17-5. Konkrete krav til kompetanse for dei som skal tilsettast i førebuande og vidaregåande opplæring for vaksne, kan fastsettast i forskrift med heimel i § 17-3 tredje ledd.

*Andre ledd* inneber eit unntak frå krava i første ledd med tilhøyrande forskrifter for dei som skal undervise i grunnleggjande ferdigheiter etter § 19-6.

*Tredje ledd* gir departementet heimel til å fastsetje krav om kompetanse for dei som skal undervise i forsterka opplæring i norsk. Forsterka opplæring i norsk for vaksne er regulert i § 19-8.

*Til § 19-14 Politiattest og forbod mot tilsetjing i den førebuande opplæringa for vaksne*

Paragrafen er ny og er omtalt i punkt 43.30.

Paragrafen fastset at reglane i § 17-11 gjeld for dei som skal tilsetjast i førebuande opplæring for vaksne. Sjå merknaden til § 17-11.

Kapittel 20 Medverknad, skolemiljø, lokale reglar og anna i opplæringa for vaksne

*Til § 20-1 Rett til medverknad for vaksne deltararar*

Paragrafen er delvis ny, og vidarefører delvis dagens lov § 4A-4 fjerde ledd. Paragrafen er omtalt i punkt 43.25.

Retten til å uttale seg og bli hørt gjeld både i saker om opplæringa, saker om læringsmiljøet og andre saker som gjeld opplæringssituasjonen til deltakaren. For deltararar i førebuande opplæring for vaksne som er under 18 år, gjeld også Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen artikkel 12. Sjå elles merknaden til tilsvarande regel for barn og unge i § 10-2.

*Til § 20-2 Krav til læringsmiljøet i opplæringa for vaksne*

Paragrafen er delvis ny og vidarefører delvis dagens lov § 4A-4 fjerde ledd. Paragrafen er omtalt i punkt 43.24.

*Første ledd* er tilnærma likt kravet om forebyggjande arbeid med skolemiljøet for barn og unge i § 12-3 andre ledd. Deltakarar i opplæringa for vaksne har ikkje same individuelle rett til trygt og godt skolemiljø som barn og unge. Målet for det forebyggjande arbeidet i opplæringa for vaksne er å unngå tilfelle der ein deltarar ikkje har eit trygt og godt læringsmiljø. Paragrafen er elles lik som § 12-3 andre ledd. Sjå merknaden til § 12-3 andre ledd.

For at deltakarane skal få eit trygt og godt læringsmiljø må det leggjast til rette for at deltakarane kan ha kontakt og kommunikasjon med kvarandre. Det er opp til kommunane og fylkeskommunane å finne fram til måtar å oppnå dette på og det er ikkje eit krav om inndeling i grupper.

Uttrykket «krenkande oppførsel» i *andre ledd første punktum* skal forståast likt som i § 12-3 første ledd. Sjå merknaden til § 12-3 første ledd. Kva som vil vere ei krenking, må vurderast konkret. At deltakarane er vaksne, vil ha noko å seie i denne vurderinga.

At dei som arbeider i førebuande opplæring, skal «gripe inn», jf. *andre ledd andre punktum*, omfattar både å stoppe ei krenking som er i gang,

og å setje i verk nødvendig tiltak for å rette opp skaden som har skjedd, og førebyggje nye krenkingar. Plikta til å gripe inn er avgrensa til tilfelle der dette er mogleg. Den tilsette skal ikkje måtte setje seg sjølv eller andre i fare for skade. Grensa for plikta til å gripe inn er at den tilsette ikkje må krenkle deltakarane for å få stanse situasjonen, og at det ikkje føreset ei handling som er straffbar. Nødrett og nødverje kan likevel unntaksvise gi grunnlag for å overskride også denne grensa ved at det i nødverje- og nødrettssituasjonar kan vere lov å gjere noko som elles er ulovleg.

*Til § 20-3 Ordensreglar for opplæringa for vaksne*

Paragrafen er ny og er omtalt i punkt 43.23.

Etter *første ledd* kan kommunane og fylkeskommunane fastsetje reglar for opplæringsstadene. Kommunane og fylkeskommunane kan vedta reglar som er felles for alle opplæringsstadene, reglar som berre gjeld for eit enkelt opplæringsstad, eller nokre felles reglar og nokre reglar for kvar opplæringsstad. Det er opp til kommunane og fylkeskommunane om myndet til å ta avgjelder om lokale reglar blir delegert, og korleis dei tek deltakarane med på avgjerdene. Sjå likevel § 20-1 om retten deltararane har til medverknad.

Kjerneområdet for reglane er *på* opplæringsstadene i undervisningstida. Reglane vil også gjelde for oppførsel som skjer utanfor undervisningsstaden, dersom han har nær tilknyting til undervisningsstaden eller -situasjonen. Dei lokale reglane vil ha tilsvarande verkeområde som skolereglane for barn og unge. Sjå merknaden til § 10-7.

Ordensreglane er meint å svare til skoleregular for barn og unge, jf. § 10-7. Ordensreglane skal supplere nasjonale reglar og handle om orden og oppførsel på opplæringsstaden og kva tiltak den vaksne kan møtest med ved brot på slike reglar. Det er i utgangspunktet ikkje nødvendig å gjenta lovkravet om deltaking (§ 18-11) eller andre krav i eller i medhald av lova i ordensreglane. Dersom brot på krav i eller i medhald av lova skal medføre reaksjonar, så må dette likevel stå i dei lokale ordensreglane. Kommunen og fylkeskommunen kan gi utfyllande reglar til lovkravet om deltaking, som til dømes reglar om oppmøte, forseintkomming og liknande. Det kan også fastsetjast reglar om kva som gir grunnlag for permisjon jf. § 18-11 andre ledd.

Dei lokale reglane kan ikkje avgrense rettane til deltakarane etter lova eller nasjonale forskrifter i medhald av lova. Reglane må vedtakast i form av ei forskrift, jf. forvaltningslova § 2.

*Andre ledd* inneber at alle «tiltak», det vil seie reaksjonar, som skal kunne brukast mot vaksne deltakarar som bryt reglane, må fastsetjast i dei lokale reglane. Det må likevel avgrensast mot mindre inngripande tiltak. Sjå merknaden til § 10-7 andre ledd. Dersom vaksne deltakarar skal kunne visast bort, må dette komme fram av dei lokale reglane. Sjå om bortvising i merknaden til § 20-4.

Kommunen og fylkeskommunane vel sjølv om dei vil fastsetje forskrift. Desse avgjerdene byggjer på eit forvaltingsskjønn som tilsynsmakta og domstolane ikkje kan overprøve.

#### Til § 20-4 Bortvising av vaksne deltakarar

Paragrafen vidarefører dagens lov § 4A-9 med enkelte endringar. Paragrafen er omtalt i punkt 43.23.

*Første ledd* regulerer rammene for kva tilfelle og med kva varigheit det kan fastsetjast i dei lokale reglane etter § 20-3 at bortvising kan brukast som reaksjon på brot på reglane. Dersom bortvising ikkje er fastsett som ein reaksjon i reglane etter § 20-3, kan ikkje denne reaksjonsmåten brukast. Dersom bortvising skal brukast som reaksjon ved brot på reglane i lova, som forbodet mot ansiktsdekkjande plagg og plikta til aktiv deltaking, må dette fastsetjast i dei lokale reglane etter § 20-3. Med «kurset eller den modulen dei er tekne inn på» blir det sikta til opplæringseiningar som er avgrensa i tid, ikkje heile den førebuande opplæringa eller heile den vidaregåande opplæringa. Deltakarane kan ikkje fråtakast retten til opplæring. Kommunen og fylkeskommunen kan ikkje vedta bortvising frå så store opplæringseiningar at deltakaren i realitetten er fråteken retten til opplæring. Poenget er at deltakaren skal kunne visast bort frå det aktuelle kurset, modulen eller liknande, men ha moglegheit til å halde fram opplæringa ved neste oppstart av det aktuelle kurset eller modulen. Kva som ligg i «grove brot» og «særleg alvorlege brot», er omtalt i merknaden til § 13-1.

*Andre ledd* gjeld uavhengig av kor lang bortvising som er aktuell. Dersom det er tilstrekkeleg med mindre inngripande tiltak enn bortvising, skal mindre inngripande tiltak nyttast.

*Tredje ledd* regulerer kven som kan ta avgjerda om å vise bort vaksne deltakarar for resten av kurset eller den modulen dei er tekne inn på. Delegeringsforbodet er ikkje til hinder for at kommunestyret eller fylkestinget delegerer mynde til å bortvise for resten av kurset eller modulen til eit organ i kommuneadministrasjonen. For bortvi-

sing i kortare periodar enn resten av kurset eller den modulen den vaksne er teken inn på, kan kommunane og fylkeskommunane delegere mynde til å gjere vedtak på vanleg måte, jf. kommunelova § 5-3.

Bortvising for éin dag eller meir vil vere eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2, og saksbehandlingsreglane i forvaltningslova for enkeltvedtak gjeld. Det må vurderast konkret om bortvising for kortare tid vil vere eit enkeltvedtak, til dømes kan bortvising for enkelttimar som skal gjennomførast noko fram i tid, vere eit enkeltvedtak.

#### Kapittel 21 Skyss, reisefølgje og losji for deltakarar i opplæringa for vaksne

##### Til § 21-1 Skyss til og frå opplæringsstaden for deltakarar i opplæringa for vaksne

Paragrafen vidarefører dagens lov § 4A-7 første ledd og delar av andre ledd når det gjeld deltakarar i førebuande opplæring. Reglane er nye når det gjeld deltakarar mellom 19 og 24 år i vidaregåande opplæring for vaksne. Paragrafen er omtalt i punkt 43.28.

*Første ledd* regulerer retten til skyss for deltakarar i førebuande opplæring for vaksne på grunn av lang veg til opplæringsstaden. Sjå om oppmåling av avstand i merknaden til § 4-1.

For å få rett til skyss etter *andre ledd* er det ikkje tilstrekkeleg at deltakaren har nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom. I tillegg er det eit vilkår for retten til skyss at funksjonsnedsetjinga, skaden eller sjukdommen førasakar at deltakaren har behov for skyss. Rettane etter andre ledd gjeld deltakarar som treng skyss på grunn av fysisk eller psykisk funksjonsnedsetjing.

*Tredje ledd* slår fast at deltakarar i vidaregåande opplæring for vaksne har rett til skyss etter reglane i § 9-1 ut det skoleåret som byrjar det året dei fyller 24 år. Det vil seie at dei som har rett til vidaregåande opplæring for ungdom etter § 5-1, men som vel å ta opplæring for vaksne etter § 18-3, har rett til skyss på lik linje som dei som tek vidaregåande opplæring for ungdom. Sjå elles merknaden til § 9-1.

Ansvaret for å oppfylle retten til skyss går fram av § 28-7.

##### Til § 21-2 Reisefølgje for og tilsyn med deltakarar i den førebuande opplæringa for vaksne

Paragrafen vidarefører delar av dagens lov § 4A-7 andre ledd og er omtalt i punkt 43.28.

Retten til reisefølgje og tilsyn gjeld berre for vaksne deltakarar dersom dei på grunn av nedsett

funksjonsevne ikkje klarer seg aleine. Dersom vilkåret er oppfylt, skal kommunane sørge for reisefølgje og tilsyn og også dekkje skysskostnader og andre utgifter knytte til det. Sjå også merknaden til § 9-2 andre ledd om tilsyn i ventetida før og etter opplæringa.

#### *Til § 21-3 Avgrensing av rett til skyss og rett til losji i den førebuande opplæringa for vaksne*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 4A-7 tredje ledd og er omtalt i punkt 43.28.

*Første og andre ledd* svarer til § 4-3 første og andre ledd. Sjå merknaden til § 4-3 første og andre ledd.

*Tredje ledd* gir vaksne deltakarar rett til losji på same vilkår som barn og unge etter § 4-3 tredje ledd andre punktum. Det er kommunane som er ansvarlege for losji til deltakarar i førebuande opplæring for vaksne. Det er derimot fylkeskommunane som vurderer om dagleg skyss er forsvarleg etter § 21-3 ettersom fylkeskommunane har ansvaret for skyssen. Vaksne deltakarar har ikkje plikt til å la seg innlosjere.

Plikta til kommunen i *fjerde ledd* til å ha tilsyn med innlosjerte vaksne deltakarar gjeld berre når det er nødvendig. Tilsyn vil i hovudsak berre vere nødvendig dersom ein deltakar på grunn av nedsett funksjonsevne ikkje greier seg sjølv. Det kan også vere nødvendig med tilsyn med personar i aldersgruppa 16 til 18 år som har rett til førebuande opplæring for vaksne.

### **Sjette del – privat opplæring, godkjenningsordningar og privatistordninga**

#### Kapittel 22 Privat opplæring

##### *Til § 22-1 Kven som kan drive private skolar etter lova*

*Første ledd* vidarefører kravet i § 2-12 i dagens lov om at private grunnskolar må ha godkjennung av departementet. Sjå punkt 65.

*Andre ledd* vidarefører godkjenningsheimelen i § 3-11 i dagens lov, sjå punkt 49. Det er ein føresetnad for godkjennung at staten har inngått ein avtale med éin eller fleire andre statar om å etablere éin eller fleire vidaregåande skolar. Det blir ikkje sett vilkår om formålet med drifta. Det blir til dømes ikkje stilt krav om at opplæringa skal kunne føre fram til norsk vitnemål. Innhaldet i den mellomstatlege avtalen blir førande for kva for nokre av krava i lova som ikkje skal gjelde, og dette må komme fram av godkjenningsvedtaket.

*Tredje ledd* er nytt og inneber at godkjennung av private grunnskolar etter første ledd og god-

kjenning av private vidaregåande skolar etter andre ledd fell bort dersom skolen ikkje startar opp verksemda innan tre skoleår etter at godkjennunga er gitt. Det same gjeld dersom drifta blir nedlagd. Sjå omtale av reglane i punkt 49 og 65.

##### *Til § 22-2 Ansvaret til private grunnskolar*

Paragrafen vidarefører delvis § 2-12 andre og tredje ledd i dagens lov, og er omtalt i punkt 65.

*Fjerde ledd* er nytt samanlikna med dagens lov og pålegg heimkommunen å sørge for at elevane i private grunnskolar har den same tilgangen til den pedagogisk-psykologiske tenesta som elevane i den offentlege skolen.

##### *Til § 22-3 Unntak frå visse krav for utanlandske og internasjonale grunnskolar*

Paragrafen vidarefører § 2-12 fjerde ledd i dagens lov, og er omtalt i punkt 65. I tillegg er det presisert at departementet berre kan gjøre unntak frå krava i § 22-1 første ledd så framt unntaka ikkje svekkjer dei grunnleggjande rettane til elevane.

##### *Til § 22-4 Teieplikt i private skolar*

Paragrafen vidarefører i hovudsak § 15-1 andre ledd i dagens opplæringslov, og er omtalt i punkt 65. Tilvisinga til forvaltningslova § 13 g er ny.

##### *Til § 22-5 Privat grunnskoleopplæring i heimen*

Paragrafen erstattar dagens lov §§ 2-13 og 14-3 og er omtalt i punkt 39.

Privat grunnskoleopplæring i heimen er når foreldre gir sine eigne barn grunnskoleopplæring heime.

*Første ledd* pålegg foreldre å sende melding til kommunen før oppstart av privat grunnskoleopplæring i heimen. Regelen regulerer ikkje kva meldinga skal innehalde, men ho bør som eit minimum innehalde namn på barnet, når grunnskoleopplæringa i heimen startar, og kven som gir denne opplæringa. Dersom det er mogleg, bør varigheita på privat grunnskoleopplæring givast opp.

Dei som driv privat grunnskoleopplæring i heimen når lova trer i kraft må ikkje melde frå til kommunen for å kunne fortsette med det.

Opplæringa skal gjennomførast i «heimen» til eleven, det vil seie på folkeregistrert adresse eller i nærleiken. Kravet om at opplæringa skal gjennomførast i heimen, står likevel ikkje i vegen for at delar av opplæringa blir gitt på ein annan lærings-

arena, til dømes på eit bibliotek, på hytta, i ein symjehall eller på eit museum. Det er foreldra til barnet som skal gi opplæring. Dersom andre private aktørar skal undervise, eller ein skal undervise barna til andre, må dette godkjennast etter § 22-1. Kommunane er ikkje forplikta til å akseptere løysingar der opplæringsplikta delvis blir oppfylt i skolen, og delvis blir oppfylt ved privat grunnskoleopplæring i heimen.

Minimumskrava til grunnskoleopplæringa i heimen kjem fram av *andre ledd*. Opplæringa må vere i tråd med formålet for opplæringa, samsvarer med læreplanar og fag- og timefordelinga, ikkje vere forkynnande og vere i tråd med reglane om opplæring om emna kristendom, andre religionar, livssyn og etikk. Reglane gjeld for opplæringa og ikkje er til hinder for at det drives forkynning/religionsutøving *i tillegg til* opplæringa som gis i heimen. I praksis vil det ikkje vere eit like klart skille mellom kva som er opplæring og ikkje, når foreldre gir opplæring til eigne barn.

Krava til innhaldet i den private grunnskoleopplæringa i heimen gjeld så langt reglane ikkje kjem i strid med Noregs folkerettslege pliktar.

*Tredje ledd første punktum* pålegg kommunane å føre tilsyn med at grunnskoleopplæringa i heimen oppfyller krava i andre ledd. Tilsynet må vere eigna til å avdekkje om opplæringa oppfyller desse krava.

*Tredje ledd andre punktum* fastslår at det første tilsynet skal vere påbyrja innan tre månader etter at opplæringa skal ha starta. Det er meldinga frå foreldra til barnet som utløyser plikta. Det er ikkje eit krav at tilsynet er avslutta i løpet av tremåndersperioden. Ut over dette er det kommunane som avgjer korleis tilsynet skal organiserast, inkludert omfanget og hyppigheita, og kven som skal vere tilsynsperson. Kva som er til det beste for barnet, skal vere eit grunnleggjande omsyn også i planlegging og gjennomføring av tilsyn og ved valet av tilsynsperson, og barnet skal få seie si meining.

Plikta kommunen har til å føre tilsyn, inneber at det må først tilsyn ofte nok til at kommunen kan vurdere om barnet får oppfylt retten til grunnskoleopplæring, og at opplæringa som blir gitt, oppfyller krava i lova. For å vurdere om eleven får ei opplæring i tråd med regelverket, må den som fører tilsyn, vurdere om det er nødvendig å møte eleven når det blir ført tilsyn.

Etter *tredje ledd tredje punktum* har kommunane rett til å kalle inn eleven til prøvar. Slike prøvar må vere grunngitt i tilsynsansvaret til kom-

munen. Med «prøvar» meiner ein ikkje eksamen i grunnskolen, men andre prøvar som kan gi kommunane relevant informasjon om opplæringa som ledd i tilsynet. Det skal ikkje givast individuell vurdering av prøvar etter § 2-3 andre ledd.

*Fjerde ledd* fastslår at dersom opplæringa ikkje er i samsvar med krava i § 22-5, skal barnet få opplæringa si på ein grunnskole. Foreldra kan velje om barnet skal få opplæring i den offentlege grunnskolen, ved ein privat grunnskole som er godkjend etter § 22-1, eller ved ein grunnskole som er godkjend etter privatskolelova.

Den private grunnskoleopplæringa i heimen er ikkje lovleg dersom det ikkje er mogleg for kommunane å føre tilsyn som følgje av manglande samarbeid frå foreldra. Kommunane skal då krevje at barnet byrjar på skolen. Denne kan vere offentleg eller privat, sjå ovanfor. Dersom kommunane har gjort enkeltvedtak om at eleven skal gå på skolen, og eleven likevel ikkje møter til opplæringa, kan foreldra straffast, jf. § 2-7.

#### *Til § 22-6 Statleg tilsyn med private skolar*

Paragrafen erstattar dagens lov § 14-1 andre ledd og er omtalt i punkt 65.

Det følgjer av regelen at staten fører tilsyn med private skolar godkjende etter opplæringslova. Tilsynsmakta er i lova lagd til departementet, men ordinær delegering er mogleg. Til liks med tilsynet med kommunepliktene gjeld kommunelova også for tilsynet med dei private skolane. Sjå også § 29-2 og merknaden til denne.

#### Kapittel 23 Privatistordningar og godkjenning av utanlandsk opplæring

##### *Til § 23-1 Privatistar*

Paragrafen er ny og er omtalt i punkt 49.

*Første punktum* definerer omgrepet privatist. Med *opplæring i faget* blir det sikta til opplæring som blir gitt etter opplæringslova eller privatskolelova med forskrifter. Det betyr at privatisten verken er elev, deltakar, lærling eller praksisbrevkandidat i faget ved tidspunktet for oppmelding. Andre former for opplærings- eller kurstilbod, til dømes ved private vidaregåande skolar utan eksamensrett, blir ikkje rekna som opplæring i faget etter lova.

*Andre punktum* slår fast at det ikkje er ein generell privatisttilgang i grunnskolen. Privatisteksamen i grunnskolen er berre mogleg for dei som har rett til førebuande opplæring for vaksne.

**Til § 23-2 Praksiskandidatar**

Paragrafen vidarefører dagens lov § 3-5 om tilgangen til å ta fag- og sveineprøve utan læreforhold eller skole. Sjå omtale i proposisjonen punkt 49.

*Første punktum* gir opp vilkåra for å kunne framstille seg til fag- eller sveineprøve utan å ha delteke i opplæring i faget. Praksisen må ha vart minst 25 prosent lengre enn det opplæringsløpet som er fastsett for lærefaget, og han må dekkje dei mest vesentlege delane av vg3-læreplanen i faget. Ved fireårige opplæringsløp som følgjer 2+2-modellen, må praksis derfor ha vart minst fem år. Det kan fastsetjast forskrifter om praksis og om at praksistida kan kortast ned gjennom godskriving av tidlegare opplæring, jf. § 5-4 tredje ledd.

*Andre punktum* slår fast at det er fylkeskommunane som godkjener praksisen. Fylkeskommunane skal gjere enkeltvedtak i saka. Andre punktum opnar også for at det kan godkjennast praksis som har kortare omfang enn det som er beskrive i første punktum. Dette er ein snever unntaksregel som føreset at det er tale om eit særlig tilfelle. Det kan til dømes vere tilfelle der det er svært vanskeleg å få tilstrekkeleg praksis i verneverdige tradisjonshandverksfag.

**Til § 23-3 Godkjenning av utanlandsk fag- og yrkesopplæring**

Paragrafen er i hovudsak ei vidareføring av § 3-4 a og § 3-4 b i dagens lov og er omtalt i punkt 49.

*Første ledd* gir departementet kompetanse til å godkjenne utanlandsk fagopplæring som sidestilt med norsk vidaregåande opplæring.

*Andre ledd* gir departementet heimel til å fastsetje vilkår for godkjenning og reglar om saksbehandling, klage i forskrift og om oppnemning av klagenemnd. Innhaldet i dagens § 3-4 b er vidareført som del av forskriftsheimelen. Reglane om klage kan mellom anna omfatte kven som skal vere klageinstans, og at klagetilgangen ikkje skal gjelde alle delar av vedtaket.

**Til § 23-4 Behandling av søknad om godkjenning**

Paragrafen vidarefører dagens § 3-4 c, men med nytt siste ledd. Paragrafen er omtalt i punkt 49.

*Første ledd* gir rettsgrunnlag for at avgjerdstakar også skal kunne behandle personopplysningar som nemnt i personvernforordninga artikkel 9 og 10. Slike opplysningar kan behandlast når avgjerdstakar behandlar søknader om godkjenning av utanlandsk fag- og yrkesopplæring etter § 23-3.

Sjølv om avgjerdstakar ikkje spør etter slike personopplysningar, kan det både i utfylling av søknadsskjemaet og i vedlegga komme fram opplysningar som blir rekna som særlege kategoriar av personopplysningar etter personvernforordninga. Opplysningar om religion, seksuell legning og helse er døme på opplysningar som kan komme fram av søknaden. Eit døme er at i vigselattestar som blir brukte til å stadfeste namneendring, er det også informasjon om religionen, etnisiteten eller helsa til personane. I slike tilfelle vil desse opplysningane i seg sjølv vere relevante for behandling av søkerne, men dokumentet er i seg sjølv (t.d. vigselattest eller utdanningsdokument) nødvendig for å sikre at den som leverer søknaden, er den same som den som har fullført utdanninga.

*Andre ledd* slår fast at det kan nyttast automatisert saksbehandling for å gjere vedtak om godkjenning av utanlandsk fag- og yrkesopplæring. Automatisert saksbehandling inneber at eit datasystem tek avgjerder som er avgjerande for rettane og pliktene til ein enkeltperson. Ved automatisert saksbehandling har rettsreglane vorte formaliserte og programmerte i datasystemet. Rettsbruken skjer gjennom datasystemet og ikkje ved manuell menneskeleg behandling. Avgjerder som takast på bakgrunn av utelukkande automatisert saksbehandling, kan berre skje i saker der det ikkje er behov for skjønnsmessige vurderingar.

I andre ledd *andre punktum* er det fastsett at søkeren kan krevje manuell overprøving. Ein slik rett supplerer den alminnelege klageretten etter forvaltningslova og varetak rettane og interessene til den registrerte. Manuell overprøving inneber at det blir gjennomført ein manuell kontroll av om datasystemet har gjort eit korrekt vedtak i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Det er førsteinstansen som skal gjennomføre denne kontrollen, ikkje klageorganet.

*Tredje ledd* gir rettsgrunnlag for at avgjerdstakar kan kopla seg til portalen for deling av vitnemål og dokumentasjon av kompetanse, jf. universitets- og høgskolelova § 4-14. Fødselsnummer, D-nummer og opplysningar om at personen har fått godkjenningsvedtak etter første ledd, kan registrerast automatisk i portalen. Informasjon om sjølvet vedtaket vil berre overførast til portalen når den som vedtaket gjeld, sjølv bestemmer det. Når ein person vel å dele vedtaket sitt med til dømes ei bedrift eller utdanningsinstitusjon, vil portalen berre formidle det vedtaket som hen har bestemt skal delast, og berre i den perioden vedkom-

mande har bestemt at resultata skal vere tilgjengelege.

*Fjerde ledd* fastset at dersom den som behandler søknad om godkjenning, oppdagar at søkeren har levert falske vitnemål, andre falske dokument eller dokument frå falske institusjonar, skal forholdet meldast til politiet.

## Sjuande del – forskjellige reglar

Kapittel 24 Samarbeid, samordning, opplysningsplikt, sjølvråderett og avgjerder på vegne av eleven

### Til § 24-1 Samarbeid og samordning

Paragrafen er ei vidareføring av § 15-8 og § 4A-14 i dagens lov og er omtalt i punkt 23.5.2. Ordlyden i tredje ledd er forenkla, men dette inneber ikkje ei realitetssendring.

*Første ledd* gir skolen, skolefritidsordninga og den pedagogisk-psykologiske tenesta (PP-tenesta) plikt til å samarbeide med andre tenesteytarar i oppfølginga av bestemte elevar som får tenester frå fleire tenesteytarar. Omgrepene «tenesteytarar» er definert i femte ledd i paragrafen. Dette er ei oppgåve som kjem i tillegg til det å gi opplæring og andre tenester etter opplæringslova. Samarbeidet skal vere ein integrert del av tenesteytinga. For at samarbeidsplikta skal tre inn, må det vere nødvendig med samarbeid for å gi eleven eit heilskapleg og samordna tenestetilbod. Dette inneber at tenestene sjølv må gjøre ei konkret fagleg vurdering av kva dei har plikt til å samarbeide om, kva for nokre andre tenesteytarar dei skal samarbeide med når det gjeld dei enkelte oppgåvane, og ei vurdering av kor omfattande og langvarig samarbeidet vil bli. Dette vil variere ut frå behovet til den enkelte eleven. Skolen, skolefritidsordninga og PP-tenesta må sjølv vurdere kva samarbeidsaktivitetar dei må gjennomføre for å oppfylle plikta til samarbeid. Samarbeidsplikta gir også skolen, skolefritidsordninga og PP-tenesta plikt til å medverke i samarbeid om utarbeiding og oppfølging av tiltak og mål i individuell plan, jf. første ledd andre punktum.

Samarbeidet skal skje innanfor gjeldande reglar om teieplikt. Teieplikta vil ofte få direkte betydning for moglegheita til å samarbeide i enkelttsaker. Det er berre opplysningsplikta til barneverntenesta som går føre lovbestemt teieplikt. Regelverk om teieplikt, opplysningsplikt og høve til å formidle opplysningar set skrankar for i kva tilfelle opplysningar kan formidlast og delast mellom velferdstenestene. Dette gjeld både ved samarbeid på tvers av tenesteområde eller nivå i eigen sektor og ved samarbeid på tvers av sektorane.

*Andre ledd første punktum* slår fast at kommunane skal samordne tenestetilbodet til elevar som treng eit heilskapleg og samordna tenestetilbod. Det følgjer av *andre ledd andre punktum* at kommunen skal bestemme kva for ein communal tenesteytar som skal samordne tenestetilbodet, dersom det er behov for det. Plikta gjeld der det er uklarleikar eller usemje om kva for ein communal tenesteytar som skal samordne tenestetilbodet.

Dersom tenesteytarane er samde om kven som skal samordne tenestetilbodet, vil det ikkje vere behov for at kommunen avgjer dette. Det same gjeld der det allereie følgjer av andre regelverk kven som skal ha ansvaret for å koordinere oppfølginga eleven får, til dømes der eleven har ein individuell plan etter helse- og omsorgstenestelova § 7-1 eller barnevernslova § 15-9. Dersom familien har fått utnemnt barnekoordinator etter helse- og omsorgstenestelova § 7-2 a, følgjer det av regelen at det er barnekoordinatoren som skal sørge for at tenestetilbodet til familien og barnet blir samordna.

Kommunen vel sjølv korleis han skal vareta plikta til å avklare kven som skal ha ansvaret for samordninga. Det er kommunedirektøren som har ansvaret og myndet til å ta avgjerd, men oppgåva kan delegerast til andre i kommunen. Myndet kommunen har til å ta avgjelder, omfattar ikkje fylkeskommunale, statlege eller private tenesteytarar. Samordning med desse tenestene vil derfor berre omfatte informasjon, involvering og tilrettelegging for samarbeid. Samtidig vil dei fylkeskommunale, statlege og private tenestene vere pålagde å delta i samarbeidet gjennom samarbeidsplikter i eigne tenestelover. Dersom det er mest tenleg, kan kommunane avtale med den aktuelle tenesta, til dømes BUP eller ein vidaregåande skole, at samordningsansvaret skal ligge der.

*Tredje ledd* regulerer plikta skolen, skolefritidsordninga og PP-tenesta har til å samarbeide med andre tenesteytarar utan av det er knytt til oppfølginga av ein bestemt elev. Skolen, skolefritidsordninga og PP-tenesta skal samarbeide med andre tenesteytarar for at alle tenesteytarane skal kunne utføre oppgåver som dei er pålagde ved lov eller forskrift. Slikt samarbeid kan til dømes omfatte drøfting av saker i anonymisert form og tilrettelegging for gjensidig rettleiing og informasjon. Samarbeidet kan til dømes forankrast i samarbeidsavtalar eller gjennom faste tverrsektorielle møte, arbeidsformer og rutinar. Sjølv om plikta til å samarbeide ligg til dei enkelte velferdstenestene i kommunen, vil det vere kommunane som er rettsleg ansvarlege for at samarbeidsplikta blir

oppfylt. Dette inneber at ei velferdsteneste ikkje kan påleggje ei anna teneste nye oppgåver, men at kommunane i slike tilfelle må vedta at den aktuelle tenesta skal bruke ressursar på oppgåva.

*Fjerde ledd* fastset at dei samarbeidande tenestene kan behandle personopplysningar, inkludert personopplysningar som nemnde i personvernforordninga artikkel 9 og 10 (sensitive personopplysningar m.m.), når dei utfører oppgåver etter første til tredje ledd. Det er dei lovpålagte oppgåvene etter første til tredje ledd som vil gi rammene for kva opplysningar som kan behandlast, og i kva utstrekning. Det følgjer av forslaget til § 25-1 første ledd at personopplysningar kan behandlast berre så langt det er nødvendig for den konkrete oppgåva eller plikta. Krava til samarbeid inneber at behovet hos tenestene for å behandle personopplysningar vil kunne auke. Foreldre skal samtidig få informasjon om og ha kontroll over kvifor og korleis personopplysningar om barna blir brukte. Informasjon er avgjeraende for moglegheita til å bruke andre rettar etter personvernforordninga, som til dømes innsyn og sletting.

Sjå elles omtalen av personopplysningar i punkt 54 og Prop. 100 L (2020–2021) punkt 4.4.2.

*Femte ledd* definerer omgrepene «tenesteytarar». Alle desse tenesteytarane blir omfatta av samarbeidsplikta.

*Sjette ledd* fastslår at regelen også gjeld for kommunen og fylkeskommunen når han gir opplæring til vaksne. Det er opplæringsstaden som gir opplæring til dei vaksne, som skal samarbeide med andre kommunale eller fylkeskommunale tenester og med andre statlege og relevante private tenester når vilkåra for dette er oppfylt. Det er kommunen som skal vareta samordningsansvaret.

#### Til § 24-2 Opplysningar til den kommunale helse- og omsorgstenesta og sosialtenesta

Paragrafen vidarefører dagens lov § 15-4, og er omtalt i punkt 23.5.4.

Både merksemplikta etter *første punktum* og plikta til å gi opplysningar etter *andre punktum* gjeld forhold som kan føre til tiltak frå helse- og omsorgstenesta og sosialtenesta i arbeids- og velferdsforvaltninga.

Kommunane og fylkeskommunane skal sørge for at alle som utfører tenester eller arbeid etter lova, oppfyller plikta til å vere merksam på behov for tiltak og plikta til å gi opplysningar om slike forhold. Dette er for å gjere det tydeleg at det ikkje dreier seg om eit personleg ansvar for kvart enkelt personell, og for at pliktene skal gjelde for

alle som utfører tenester eller arbeid etter lova. Pliktene omfattar dermed personalet i leksehjelpprordninga, skolefritidsordninga, kulturskolen, vaksenopplæringa, oppfølgingstenesta og den pedagogisk-psykologiske tenesta, i tillegg til personalet i skolen. Kommunane og fylkeskommunane må sørge for at dei tilsette har kunnskap om kva tiltak som kan vere aktuelle etter både sosialtenestelova og helse- og omsorgstenestelova. Plikta må ikkje forvekslast med opplysningsplikta til barneverntenesta. Regelen har lik utforming som den tilsvarende regelen i andre sektorlover. Opplysningar kan berre givast med løyve frå eleven, eventuelt frå foreldra, eller så langt opplysningane elles kan givast utan hinder av teieplikta i forvaltningslova § 13 og følgjande paragrafar.

Skolen bør skrive ned skriftleg dei vurderingane som han gjer før skolen gir, eventuelt ikkje gir, opplysningar til sosialtenesta eller helse- og omsorgstenesta i samsvar med regelen. Tilsette bør dokumentere vurderingane som blir gjennomførte når det skal avgjera om det skal varslast. Dokumentasjon av vurderingane vil ha noko å seie dersom det i etterkant blir spørsmål om teieplikta er broten. Mangel på skriftlege notat gjer det vanskelegare å etterprøve vurderingane skolen har gjort i samband med teieplikt og moglege unntak frå denne.

#### Til § 24-3 Plikt til å melde frå til barnevernet

Paragrafen vidarefører dagens lov § 15-3, og er omtalt i punkt 23.5.3.

Det er fastsett ei generell meldeplikt til barnevernet i barnevernslova § 13-2. § 24-3 er derfor fastsett i opplæringslova av pedagogiske grunnar. Første ledd inneholder i tillegg ei «merksemplikt» som ikkje finst i barnevernslova § 13-2. Fleire av dei situasjonane som kan skape ei meldeplikt etter denne lova og barnevernslova, kan også utløyse ei avverjeplikt etter straffelova § 196. Til dømes vil mishandling av barn ofte vere straffbart etter straffelova § 282 og utløyse ei avverjeplikt.

Paragrafen inneholder både ei merksemplikt etter *første ledd* og ei opplysningsplikt (meldeplikt) etter *andre ledd*. Pliktene er eit sjølvstendig og personleg ansvar som ligg på den enkelte. Dette inneber at vurderinga av om melding skal sendast til barnevernstenesta, ikkje kan overlata til andre, til dømes rektor eller ein annan leier. Det personlege ansvaret er likevel ikkje til hinder for at det blir etablert praktiske rutinar om formidling av meldingar. Slike rutinar kan likevel ikkje formast ut slik at dei fører til forseinkingar, og dei må ikkje innebere ei faktisk eller fagleg overprøving

av vurderinga av om vilkåra for meldeplikt er oppfylte.

Alle som utfører tenester eller arbeid etter lova, er omfatta av merksemde- og meldeplikta til barnevernstenesta. Dette inneber at plikta gjeld for alle som utfører teneste eller arbeid i skolen, leksehjelpeordninga, skolefritidsordninga, kulturskolen, vaksenopplæringa, oppfølgingstenesta og den pedagogisk-psykologiske tenesta (PP-tenesta). Regelen omfattar også enkelte tilsette i lærerbedrifter, til dømes instruktøren og den faglege leiaren. Plikta omfattar i tillegg praktikantar, vikarar og mellombels tilsette som utfører tenester eller arbeid etter lova. Å utføre tenester eller arbeid skal ikkje forståast annleis eller vidare enn det som er fastsett i barnevernslova § 13-2.

I kva situasjonar det er plikt til å melde frå til barnevernstenesta, kjem fram i bokstavane a til d. Desse er nærmere beskrivne i merknaden til barnevernslova § 13-2 i Prop. 133 L (2020–2021). Når vilkåra for meldeplikt er oppfylt, finst det ingen andre handlingsalternativ som kan erstatte meldinga til barnevernstenesta, og opplysningsplikta fell til dømes ikkje bort sjølv om personen sjølv prøver å avhjelpe situasjonen.

Meldeplikta til barnevernstenesta gjeld uavhengig av teieplikta i forvaltningslova § 13 og følgjande paragrafar.

Skolen bør skrive ned skriftleg dei vurderingane han gjer før han sender, eventuelt ikkje sender, ei melding til barnevernstenesta i samsvar med regelen. Tilsette bør dokumentere vurderingane som blir gjennomførte når det skal avgjerast om det skal varslast. Slik dokumentasjon «kan gjere at personalet i ettermiddag kan vise at dei, på det tidspunktet opplysinga vart gitt, vurderte at det var grunn til å tru at situasjonen var så alvorleg at han utløyste opplysningsplikta. Dette vil ha noko å seie dersom det eventuelt i etterkant skulle bli spørsmål om teieplikta er broten. Ein mangel på skriftlege notat gjer det vanskelegare å etterprøve vurderingane til skolen av teieplikt og moglege unntak frå denne. Både av omsyn til partane i saka og til kontrollmogleheitene til dei etterfølgjande instansane er det ein fordel om slike vurderingar er dokumenterte.

#### *Til § 24-4 Rett til å ta avgjerder for eleven når barnevernstenesta har overteke omsorga*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 15-6 og er omtalt i punkt 62. Han regulerer om det er barnevernstenesta eller foreldra som kan ta avgjerder på vegner av eleven når barnevernstenesta har overteke omsorga. Paragrafen får ingen følgjer for

kva tilfelle og saker eleven sjølv kan ta avgjerder i. Paragrafen får heller ingen følgjer for forholdet mellom barnevernstenesta og fosterforeldra eller barnevernsinstitusjonen.

*Første ledd* slår fast hovudregelen, som gjeld for dei avgjerdene som etter opplæringslova er lagde til foreldra til eleven. Paragrafen inneber at barnevernstenesta mellom anna har rett til å samtykkje til individuelt tilrettelagt opplæring, søkje om ein annan offentleg skole enn ein skole i nærmiljøet og ta avgjerder om skyss eller innlosjering. I tillegg inneber paragrafen at det er barnevernstenesta som tek avgjerder og opptrer på vegner av eleven i alle typar skolesaker som er ein del av den daglege oppfølginga av eleven.

*Andre ledd* ramsar opp kva avgjerder som foreldra har rett til å ta på vegner av eleven. At foreldra har rett til å velje privat grunnskoleopplæring, inneber at dei skal kunne velje privat skole framfor offentleg skole og dessutan velje typen privat skole. Dei skoletypane som finst i området der eleven bur, vil danne ei naturleg ramme for valfridommen til foreldra, og det vil vere ein føresetnad at foreldra er villige til å betale eventuelle ekstrautgifter som følgjer av det valet dei gjer. Val av skriftspråk omfattar både val av skriftspråk i læremiddel på 1. til 7. trinn etter § 3-1 andre ledd og avgjerd om å tilhøyre eiga skriftspråkgruppe på 1. til 7. trinn etter § 3-1 tredje ledd. Val av skriftspråk kan også vere aktuelt ved overføring til ny skole, jf. § 3-1 fjerde ledd.

#### *Til § 24-5 Sjølvråderett for dei som har fylt 15 år*

Paragrafen er delvis ny og ei delvis vidareføring av dagens § 3-1 første ledd siste punktum og er omtalt i punkt 21.

Paragrafen slår fast at dei som har fylt 15 år, sjølv bestemmer over spørsmål knytte til opplæringa. I motsetning til dagens reglar er paragrafen ikkje avgrensa til opplæring i den vidaregåande opplæringa. Paragrafen gjeld derfor spørsmål knytte til opplæringa i både grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. Paragrafen omfattar også dei mellom 15 og 18 år som får opplæring for vaksne. Regelen er generell og gjeld med mindre anna er spesifisert i lova. Elevane kan til dømes sjølv gjere enkelte val knytte til språk allereie frå 8. trinn, sjå reglane i kapittel 3 i lova.

Døma som er lista opp i lova på kva som kan vere spørsmål knytte til opplæringa, er ikkje meint å vere uttømmende, men gir ein peikepinn på typiske spørsmål som dei over 15 år sjølv kan bestemme over. Andre døme kan vere spørsmål om valfag og utdanningsprogram. Spørsmål

knytte til opplæringa blir mellom anna avgrensa mot spørsmål om deling av personopplysningars. Her gjeld det eigne reglar om rett til sjølvråderett.

Regelen om sjølvråderett står ikkje i vegen for at foreldra eller andre kan ha partsrettar etter reglane i forvaltningslova om enkeltvedtak, eller at foreldra eller andre kan oppstre på vegner av eleven etter fullmakt.

## Kapittel 25 Behandling av personopplysningar og plikt til å delta i evalueringar

### *Til § 25-1 Behandling av personopplysningar*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 15-10, med nokre språklege endringar, og er omtalt i punkt 54.

Dette rettsgrunnlaget supplerer behandlingsgrunnlaga i personvernforordninga artikkel 6 nr. 1 bokstav c og e, artikkel 9 og artikkel 10.

*Første ledd* regulerer behandlinga av personopplysningar i kommunar, fylkeskommunar og lærebodrifter. Leddet slår fast at kommunar, fylkeskommunar og lærebodrifter kan behandle personopplysningar når det er nødvendig for å utføre oppgåver etter lova. Med oppgåver er det meint både plikter og oppgåver som kommunar, fylkeskommunar og lærebodrifter er pålagde i og med heimel i lova. Leddet gjer det tydeleg at opplæringslova med forskrifter gir supplerande rettsgrunnlag til personvernforordninga artikkel 6 første ledd bokstav c og e.

Leddet gir ikkje i seg sjølv rettsgrunnlag for å behandle personopplysningar, men må sjåast i samanheng med dei oppgåvene som er regulerte i eller med heimel i opplæringslova. Formålet med leddet er å gjere det tydeleg at reglane i opplæringslova kan, og ofte vil, gjere det nødvendig å behandle personopplysningar.

Formålet med dei enkelte oppgåvene som er regulerte i opplæringslova avgrensar kva personopplysningar som kan behandlast, inkludert lagringstid og vidarebehandling av opplysniniane. Kommunen, fylkeskommunen og lærebodrifter skal derfor berre behandle personopplysningar så langt dette er nødvendig for å oppfylle formålet med den enkelte oppgåva dei er pålagde etter opplæringslova med forskrifter.

Regelen handlar både om opplæringsverksamda til kommunane og fylkeskommunane og om andre oppgåver som er lagde til kommunane og fylkeskommunane i opplæringslova med forskrifter. Til dømes er fylkeskommunane pålagde å ha ei oppfølgingsteneste som ikkje er ein del av opplæringsverksamda, sjå § 9-4. Lærebedriftene står for ein sentral del av den yrkesretta vidaregå-

ande opplæringa og er derfor pålagde oppgåver i opplæringslova som gjer det nødvendig å behandle personopplysningar.

Også statlege og private skolar som driv verksamd etter opplæringslova er omfatta, sjå § 22-2 første ledd bokstav r og merknadane til § 28-6 tredje ledd.

Kven som er behandlingsansvarleg, vil vere avhengig av dei ulike oppgåvene og pliktene.

*Andre ledd* gir supplerande rettsgrunnlag for deling av personopplysningar ved skolebyte. Regelen gir rettsleg grunnlag for at skolar kan innhente personopplysningar som dei treng for å oppfylle retten til opplæring og å få grunnlag for å utferde dokumentasjon på opplæringa. Formåla som er ført opp, fastset rammene for kva for personopplysningar som kan behandlast etter leddet, og kva for formål opplysningane kan brukast til. Å oppfylle retten til opplæring omfattar også å kunne gjennomføre inntak til vidaregående opplæring, inkludert å kontrollere om søkjaren har rett til vidaregående opplæring. Formålet omfattar også å kunne overføre opplysningar frå vedtak om pålagt skolebyte etter § 13-2. Kva for opplysningar som skal kunne overførast, vil bli regulert i forskrift med heimel i sjette ledd.

Leddet gir samtidig supplerande rettsgrunnlag for utleveringa til skolane av personopplysningar.

Leddet opnar for deling av personopplysningar mellom offentlege skolar og private skolar, både private skolar som er godkjende etter opplæringslova, og private skolar som er godkjende etter privatskolelova. Uttrykket «skole» er også meint å omfatte vaksenopplæringssenter som deler personopplysningar om vaksne deltakarar i grunnopplæringa.

*Tredje ledd* gir supplerande rettsgrunnlag for deling av personopplysningar ved overgang frå grunnskole til vidaregående opplæring. Regelen gir rettsleg grunnlag for at fylkeskommunane kan få utlevert personopplysningar frå grunnskolen som er nødvendige for å oppfylle retten til vidaregående opplæring, gjennomføre inntak, førebyggje fråvær og følgje opp dei som er i målgruppa for oppfølgingstenesta. Regelen gir samtidig rettsgrunnlag for utleveringa grunnskolane gjer av personopplysningar til desse formåla.

Fylkeskommunane har eit særskilt ansvar i arbeidet med å forhindre fråfall i vidaregående opplæring. Å førebyggje fråvær kan mellom anna handle om å tilpasse opplæringa for å auke moglegheita for at elevane fullfører den vidaregående opplæringa. Det kan også omhandle rettleiing av søkerar og elevar om val av utdanningsprogram,

programfag og liknande for å hjelpe eleven til å ta val som gir best høve til å fullføre den vidaregåande opplæringa. Dei oppgitte formåla fastset rammene for kva personopplysningars som kan behandlast etter ledet.

Fylkeskommunane kan innhente personopplysningars for dei nemnde formåla både frå offentlege og private grunnskolar og frå private skolar godkjende etter privatskolelova.

Regelen gir også supplerande rettsgrunnlag for utlevering av personopplysningars til statlege skolar og private skolar som gir vidaregåande opplæring etter § 22-1. Statlege og private skolar kan berre få utlevert dei opplysingane som er nødvendige for å oppfylle retten til vidaregåande opplæring og gjennomføre inntak, og opplysningsane kan berre brukast til desse formåla. Statlege og private skolar har ikkje ansvar for oppfølgingstenesta, slik som fylkeskommunen, og kan dermed ikkje få utlevert opplysingar til dette formålet.

*Fjerde ledd* gir supplerande rettsgrunnlag for at skolane kan dele personopplysningars for å legge til rette opplæringa til ein elev, men berre så langt eleven eller foreldra har gitt løyve til det. Opplysingane som det er ønskjeleg å dele, kan vere personopplysningars av særlege kategoriar, til dømes helseopplysningars, fråsegner frå sakkunne og vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring.

Kravet om løyve sikrar at det ikkje blir delt fleire opplysingar enn det eleven eller foreldra sjølv ønskjer. Eleven og foreldra avgjer dermed sjølv om den nye skolen eller den vidaregåande skolen skal få opplysingar utover det som er regulert i andre og tredje ledd.

Kravet om løyve frå eleven eller foreldra er eit tilleggskrav, og det er lova som er det supplerande rettsgrunnlaget for behandling av personopplysningars. Det er ikkje same krav til eit slikt løyve som det er til eit samtykke som behandlingsgrunnlag etter personvernforordninga. Det inneber mellom anna at om eit slikt løyve vert trekt tilbake, så vil ikkje det i seg sjølv gi skolen plikt til å slette personopplysingane skolen har fått. Dersom ein skole ikkje innhenter slikt løyve før personopplysingane blir utleverte, vil det vere eit brot på opplæringslova og eventuelt reglane om teieplikt i forvaltningslova. Eit slikt løyve vil også utgjere samtykke etter reglane om teieplikt i forvaltningslova, sjå forvaltningslova § 13 a nr. 1.

Dersom foreldreansvaret er delt, må begge foreldra gi løyve. Dette følgjer av barnelova § 30, som slår fast at foreldre med felles foreldreansvar skal ta avgjerder om barnet saman.

Fjerde ledd vidarefører kva personopplysningars som kan utleverast, både ved skolebytte etter andre ledd og ved overgang frå grunnskole til vidaregåande skole etter tredje ledd. Regelen omfattar berre personopplysningars som er nødvendige for at skolen skal kunne legge til rette opplæringa for eleven. Opplæring skal forståast i vid forstand. Både personopplysningars om det faglege utbyttet til eleven og personopplysningars om trivselen til eleven, sosial tilhørsel og liknande er omfatta.

*Femte ledd* slår fast at behandlinga av personopplysningars etter første til fjerde ledd også kan omfatte behandling av særlege kategoriar av personopplysningars etter artikkel 9 og personopplysningars etter artikkel 10 i personvernforordninga. I fleire tilfelle vil det vere nødvendig å behandle særlege kategoriar av personopplysningars, anten direkte eller indirekte, for å oppfylle dei rettslege forpliktingane i opplæringslova. Døme er opplysingar om helsa til eleven, fråsegn fra sakkunnige og vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring. Andre døme er opplysingar om eleven sin religiøse tilhørsel, om fritak, samisk språkbakgrunn eller teiknspråk.

Behandling av opplysingar etter artikkel 10 kan mellom anna bli aktuelt ved opplysingar om straffbare forhold barn har vorte utsette for. Det kan også vere aktuelt for fylkeskommunane å behandle personopplysningars etter artikkel 10 for å vareta plikta til å gi opplæring i fengsel, sjå § 28-5. Unntaksvis vil også slike opplysingar kunne inngå i oppfyllinga til skolane av aktivitetsplikta i skolemiljøsaker etter §§ 12-4 og vidare eller behandlinga til kommunen og fylkeskommunen av saker om pålagt skolebytte, sjå § 13-2.

*Sjuande ledd* gir heimel for departementet til å gi nærmare reglar om behandlinga i forskrift, mellom anna om formålet med behandlinga, vidarebehandling og tilgang til personopplysningars. Heimelen kan brukast til å konkretisere og supplere krava til behandling av personopplysningars etter personopplysningslova og personvernforordninga.

*Sjuande ledd* fastset at personopplysningars etter andre, tredje og fjerde ledd skal kunne delast utan hinder av teieplikta.

*Til § 25-2 Den nasjonale databasen for vitnemål og annan dokumentasjon av oppnådd kompetanse frå vidaregåande opplæring*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 3-14 og er omtalt i punkt 54.

Paragrafen regulerer den nasjonale databasen for vitnemål og dokumentasjon av kompetanse (NVB).

*Første ledd* reknar opp formåla til databasen. Formåla utgjer rammene for vurderinga av om opplysninga kan registrerast i databasen. Behandlinga av personopplysningar må vere i samsvar med eitt eller fleire av dei fire formåla til databasen.

*Andre ledd* fastset ei plikt for alle som tilbyr vidaregåande opplæring, til å levere vitnemål og kompetansebevis til databasen. Karakterar frå vidaregåande opplæring er rekna som teiepliktige opplysningar, og det er i første punktum lovfesta at deling av opplysningar til databasen kan skje utan hinder av teieplikta. For enkelte skolar vil det ikkje vere mogleg å levere dokumentasjon til databasen, og etter andre punktum har departementet derfor tilgang til å fastsetje forskrift om unntak frå denne plikta. Dette vil for det første vere aktuelt der kostnadene ved slik innseiling blir for store, anten hos avsendar (utferdar av vitnemål/kompetansebevis) eller hos forvaltningsorganet som har ansvaret for databasen. Det kan vera skolar som av ulike grunnar ikkje kan levere vitnemål eller kompetansebevis elektronisk i eit format som NVB kan importere automatisk. For det andre vil det vere aktuelt der NVB førebels ikkje har på plass den tekniske løysinga for å kunne ta imot alle typar dokumentasjon.

*Tredje ledd* er supplerande rettsgrunnlag for at databasen kan innehalde vitnemål og dokumentasjon om kompetanse frå anna opplæring og utdanning. Vilkåret er at eitt eller fleire av formåla i første ledd er oppfylte. Eit døme er vitnemål frå fagskolar. Annan dokumentasjon kan vere karakterutskrifter.

*Fjerde ledd* er supplerande rettsgrunnlag for at NVB kan kople seg til vitnemålsportalen slik at den registrerte kan dele opplysningar om kompetansen sin med til dømes ein arbeidsgivar. Vitnemålsportalen er ei teneste som informasjon kan formidlast gjennom. Vitnemålsopplysningane skal oppbevarast i NVB og berre formidlast gjennom portalen når den registrerte bestemmer det. Sjølv delinga er dermed basert på samtykke. Før ein person loggar inn og tek i bruk systemet, vil portalen berre innehalde informasjon om kva institusjonar og databasar som inneheld resultat til personar. I dette tilfellet vil det vere fødselstnummer eller D-nummer kopla til ein identifiseringsinformasjon som viser til at personen har resultat registrert i NVB.

*Femte ledd* er heimel for at departementet kan gi forskrift om behandling av personopplysningar

i databasen. Denne heimelen kan brukast til å regulere formålet med behandlinga, behandlingsansvar, kva opplysningar som kan behandlast og om kven, og tilgang til, vidarebehandling og utlevering av personopplysningar.

#### *Til § 25-3 Innhenting av opplysningar frå folkeresisteret*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 15-9, og er omtalt i punkt 54.

Paragrafen slår fast at offentlege styresmakter, altså staten, kommunane og fylkeskommunane, utan hinder av teieplikta kan innhente opplysningar frå folkeregisteret når det er nødvendig for å utføre oppgåvane etter lova.

Døme på slike oppgåver er plikt til samarbeid med foreldra, å gjere vedtak om særskild språkopplæring, å undersøkje kvifor eit barn ikkje møter på skolen, og drift av skolefritidsordningar.

Informasjon som det kan vere «nødvendig» å innhente frå folkeregisteret, er opplysningar om ektefelle, registrert partnar, barn og foreldre.

Sjå elles Prop. 86 LS (2017–2018), kapittel 13.2.

#### *Til § 25-4 Plikt til å delta i evalueringar og gi opplysningar*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 14-4, og er omtalt i punkt 54 og 58.

Med heimel i første punktum kan departementet gi forskrift som pålegg kommunar, fylkeskommunar, skolar, elevar og dei som har læretid i bedrift å gi opplysningar og å delta i evalueringar om forhold som er «nødvendig» for å evaluere verksemda som er omfatta av lova. Formålet «å evaluere verksemda etter denne lova» skal forståast i vid forstand. Formålet omfatter all verksemde som skjer innanfor rammene for opplæringslova, også den opplæringsverksemda som skjer i lærebedrift. Formålet omfattar bruk av kunnskap og styringsinformasjon på fleire nivå, både lokalt og nasjonalt.

*Andre punktum* gir departementet heimel til å gi forskrift om supplerande rettsgrunnlag for behandling av personopplysningar for innhenting av informasjon og utføring av evalueringar etter forskrifter gitt med heimel i første punktum. Departementet kan mellom anna gi forskrift om formålet med behandlinga, behandlingsansvar, kva opplysningar som kan behandlast og om kven, og tilgang til, vidarebehandling og utlevering av personopplysningar.

Det er oppgåva om å delta i evalueringar og gi opplysningar, som gir rammene for kva opplysnin-

gar som kan behandlast, og i kva utstrekning. Det følgjer av § 25-1 første ledd at personopplysninga kan behandlast berre så langt det er nødvendig for den konkrete oppgåva eller plikta. Formålet om evaluering av verksemda etter lova etter første punktum set rammene for kva personopplysningar som kan behandlast etter andre punktum. Adgangen til å pålegge evalueringer og innhenting av opplysninger etter første punktum er avgrensa til dei tilfella kor dette er «nødvendig for å evaluere verksemda etter denne lova». Nødvendighetskriteriet avgrenser hvilke opplysninger som kan samlast inn i medhald av forskriftsreglar gitt i medhald av andre punktum. For det første kan den behandlingsansvarlege berre behandle personopplysninga når det er nødvendig for å evaluere verksemda etter lova. For det andre kan den behandlingsansvarlege berre behandle så mange opplysningar som er nødvendig for å evaluere verksemda etter lova.

I *tredje punktum* er det fastsett at behandlingen også kan omfatte personopplysningar som er nemnt i personvernforordninga artikkel 9 og 10.

## Kapittel 26 Kulturskole

### Til § 26-1 Kulturskole

Paragrafen vidarefører i hovudsak dagens lov § 13-6 og er omtalt i punkt 47.

Paragrafen vidarefører plikta kommunane har til å ha ein kulturskole. Kulturskolen er ikkje ein del av grunnskoleopplæringa eller den vidaregåande opplæringa. Sjølv om ordet musikk er fjerna frå paragrafen, er ikkje dette meint som ei realitetsendring. Kulturskole omfattar språkleg sett også musikkundervisning. Kommunane kan organisere tilbodet sjølve eller i samarbeid med andre kommunar. Tilbodet skal vere organisert i tilknyting til skolen og kulturlivet elles. Paragrafen gir ikkje elevar rett til plass ved kulturskolen og stiller ikkje krav til omfang, breidd eller organisering. Reglane om politiattest og tilsetningsforbod i § 17-11 gjeld i kulturskolen.

### Til § 26-2 Formålet med kulturskolen

Paragrafen er ny og er ei lovfesting av formålet til kulturskolen. Han skal leggje til rette for at elevane får delta i ulike aktivitetar der dei får lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk. Ordet «aktivitet» viser at kulturskoletilbodet ikkje er formell skolegang. Ordet «ulike» er teke inn for å synleggjere at aktivitetane kan vere av svært ulik art. Opplæringa i kulturskolen skal gis i et trygt og godt skolemiljø. Det

innebærer blant anna at elever ikkje blir utsatt for krenkelser når dei deltar på aktivitetar i kulturskolen. Reglane om skolemiljø i opplæringslova kapittel 12 gjeld ikkje for kulturskolen.

## Kapittel 27 Reklameforbud og forbod mot ansiktsdekkjande plagg

### Til § 27-1 Forbod mot reklame i skolen

Paragrafen vidarefører dagens lov § 9-6 og er omtalt i punkt 63.

Paragrafen betyr i praksis at det ikkje er tillate med reklame som kan ha uheldig påverknad på elevane, samtidig som det blir opna for reklame som ikkje er skadeleg. Vurderinga av kva som er uønskt eller uheldig påverknad, vil variere med mellom anna alder og modnad hos elevane.

Paragrafen er ikkje meint å hindre bruk av internett, TV, avisar og så vidare som ledd i opplæringa. Bedriftsbesøk og partnarskap mellom skole og lokalt arbeids- og næringsliv vil også falle utanom. Logoeksponering frå ein leverandør av mjølkeprodukt til skolekantina er også tillate. Reklameplakatar for brus og klesmerke er døme på reklame som blir ramma av forbodet. Brosjyrar og invitasjonar av kommersiell art er alltid forbodne. Reklame for lokalt kulturliv og elevinitierte aktivitetar er derimot tillatne. Det er også enkelte arrangement i skolen som inneholder reklame, som i praksis er akseptert.

I ordlyden blir det spesielt peika på skolen sitt område, lærebøker og læremiddel. Bakgrunnen er at dette er sentrale delar av skolekvardagen for elevane, men opplinga er ikkje meint å vere uttømmande. Med «skoleområdet» er det meint bygningsmassen innvendig og utvendig, skolegarden og anna uteareal. Nokre skolar bruker eksterne bygningar til undervisningslokale og symjeundervisning eller eksterne trenings- og sportshallar som gymsal. Eventuell reklame i desse bygningane blir ikkje ramma.

Paragrafen gjeld for alle skolar som driv verksemد etter opplæringslova, både grunnskolar og vidaregåande. Kommunane og fylkeskommunane har det formelle ansvaret for å vurdere kva reklameformer som er akseptable.

### Til § 27-2 Forbod mot bruk av plagg som dekkjer ansiktet

Paragrafen vidarefører i hovudsak dagens lov § 9-7 og er omtalt i punkt 34.5.

Første ledd første punktum slår fast at elevar og vaksne deltakrar som får opplæring, ikkje skal bruke plagg som dekkjer heile eller delar av

ansiktet. Forbodet gjeld uavhengig av om opplæringa skjer på skoleområdet eller ikkje. «[O]pplæring» skal i denne samanhengen forståast breitt og inkluderer mellom anna turar og arrangement i regi av skolen. Forbodet gjeld ikkje i friminutt og pausar og heller ikkje på skolevegen.

*Første ledd andre punktum* slår fast at forbodet også gjeld når elevane deltek i skolefritidsordninga eller får leksehjelp i regi av skolen. Forbodet gjeld berre for fellesaktivitetar i skolefritidsordninga og ikkje i situasjonar som svarer til friminutt og pausar i skolen.

Dersom kommunane og fylkeskommunane skal kunne bruke ordenstiltak overfor ein elev som bryt forbodet, må dette fastsetjast i skolereglane etter § 10-7. Det må også fastsetjast i skolereglane kva tiltak som då kan nyttast. Som hovudregel bør elevar som bryt forbodet, først bli følgde opp med ein samtale. Samtalen kan deretter følgjast opp av ulike tiltak, til dømes merknad, skriftleg åtvaring til eleven eller samtalar med rådgivar eller andre. Kommunane og fylkeskommunane må i kvart tilfelle vurdere kva tiltak i skolereglane som er rimelege å bruke ved brot på forbodet. I vurderinga vil det mellom anna vere relevant å ta omsyn til alderen til eleven, hensikta eller intensionen med å bruke plagget, om brotet har skjedd fleire gonger, og kva som er årsaka til at eleven ikkje har retta seg etter eventuelle pålegg frå skolen om å ta av plagget. Kommunane og fylkeskommunane bør vere varsame med bruk av bortvising, særleg i grunnskolen. Det følgjer av § 13-1 andre ledd at ein elev ikkje kan visast bort dersom mindre inngripande tiltak er tilstrekkelege. Andre tiltak skal såleis vere vurderte før det blir gjort vedtak om bortvising.

*Andre ledd* slår fast at forbodet også gjeld tilsette i skolen, i skolefritidsordninga, leksehjelpsordninga, skolehelsetenesta og pedagogisk-psykologisk teneste, når desse er saman med elevane. «[S]aman med elevane» betyr at forbodet gjeld utover det som kan reknast som rein undervisning. Mellom anna vil tilsette som har ansvar for elevane i pausar og friminutt, og tilsette som har samtalar med elevane, vere omfatta av forbodet. Forbodet gjeld ikkje når dei tilsette gjer arbeidsoppgåver aleine eller berre saman med andre tilsette, til dømes førebur opplæringa eller rettar prøvar. Eventuelle reaksjonar som følgje av brot på forbodet mot ansiktsdekkjande plagg blir regulerte av alminnelege arbeidsrettslege reglar. Gjentekne brot på forbodet kan vere grunnlag for oppseining.

*Tredje ledd* opnar for at ansiktsdekkjande plagg likevel kan vere lov dersom bruken er

grunngitt ut frå omsynet til vær, helse eller tryggleik. Dette unntaket dekkjer til dømes plagg som blir brukt på grunn av kulde eller sterkt sol, munnbind, bandasjar og verneutstyr. Ansiktsdekkjande plagg er også lov dersom dette tener pedagogiske eller sosiale formål, som til dømes utkledningleik, skodespel med meir.

## Kapittel 28 Ansvaret til kommunen og fylkeskommunen

### Til § 28-1 Kommunen sitt juridiske og økonomiske ansvar

Paragrafen erstattar § 13-1 i dagens lov og er omtalt i punkt 53.

*Første ledd første punktum* slår fast at det som hovudregel er kommunen som skal oppfylle retten til grunnskoleopplæring og førebuande opplæring for vaksne. Det betyr at det er kommunen som er økonomisk og administrativt ansvarleg for grunnskoleopplæringa. Kommunen har eit overordna ansvar for grunnskoleopplæringa og for å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for å oppfylle krava i lova. Ansvaret til kommunen gjeld for barn, unge og vaksne som er busette i kommunen. Barn og unge er som hovudregel busette i den kommunen der foreldra eller den av foreldra som har omsorgsansvaret, bur.

*Første ledd andre punktum* inneber at kommunen har det juridiske ansvaret for at alle pliktene som reglane i lova legg til kommunen, skolen, rektor eller andre tilsette i skolen, blir oppfylte. Det betyr at kommunen kan stillast til ansvar av dei som har rettar etter reglane, av handhevingsstyresmaktene, av tilsynsmakta eller av domstolen. Skolen er ikkje eit eige rettssubjekt og kan dermed ikkje ha mynde eller ansvar etter lova. Vidare har kommunen ansvaret der lova gir opp rektor eller andre tilsette som pliktsubjekt, med mindre det kjem fram av lova og forarbeida at det dreier seg om eit personleg juridisk ansvar. Rektor og tilsette i skolen er pålagde eit personleg juridisk ansvar etter § 12-9 om straffansvar ved brot på reglane om skolemiljøet og etter § 24-3 om opplysningsplikt til barnevernet.

Reglane i første ledd må sjåast i samanheng med kommunelova § 5-3 som fastset at det er kommunestyret som er øvste ansvarleg i kommunen.

*Andre ledd første punktum* gir departementet kompetanse til å gi generelle reglar i forskrift og til i enkeltilfelle å gi pålegg om kven som skal reknast som busett i kommunen. Kompetansen til å gripe inn i enkeltilfelle kan til dømes brukast der det er usemje mellom kommunar. Etter *andre*

*ledd andre punktum* kan departementet gi forskrift om at bustadkommunen skal ha det økonomiske ansvaret for elevar som får opplæringa utanfor bustadkommunen.

*Til § 28-2 Fylkeskommunen sitt juridiske og økonomiske ansvar*

Paragrafen erstattar § 13-3 i dagens lov og er omtalt i punkt 53.

*Første ledd første punktum* slår fast at fylkeskommunen har ansvaret for at alle som har lovfesta rett til vidaregåande opplæring, får det. Det betyr at det er fylkeskommunen som er økonomisk og administrativt ansvarleg for den vidaregåande opplæringa. Fylkeskommunen har eit overordna ansvaret for den vidaregåande opplæringa og for å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for å oppfylle krava i lova. Ansvaret til fylkeskommunen gjeld for ungdom og vaksne som er busette i fylket. Plikta fylkeskommunen tidlegare hadde til å tilby vidaregåande opplæring til vaksne utan rett, er ikkje vidareført. Forslaget om utvida rett til vidaregåande opplæring og forslaget om å innføre ein rett til yrkesfagleg rekvalifisering inneber at det vil vere få vaksne utan rett til vidaregåande opplæring, sjå §§ 5-1 og 18-3 og punkt 40 og 43.

*Første ledd andre punktum* inneber at fylkeskommunen har det juridiske ansvaret for at alle pliktene som reglane i lova legg til fylkeskommunen, skolen, rektor eller andre tilsette i skolen, blir oppfylte. Det betyr at fylkeskommunen kan stillast til ansvaret av dei som har rettar etter reglane, av handhevingsstyremaktene, av tilsynsmakta eller av domstolen. Skolen er ikkje eit eige rettssubjekt, og han kan dermed ikkje ha mynde eller ansvaret etter lova. Vidare har fylkeskommunen ansvaret der lova gir opp rektor eller andre tilsette som pliktsubjekt, med mindre det kjem fram av lova og forarbeida at det dreier seg om eit personleg juridisk ansvaret. Rektor og tilsette i skolen er pålagde eit personleg juridisk ansvaret etter § 12-9 om straffansvar ved brot på reglane om skolemiljøet og etter § 24-3 om opplysningsplikt til barnevernet.

Reglane i første ledd må sjåast i samanheng med kommunelova § 5-3 som fastset at det er fylkestinget som er øvste ansvarleg i fylkeskommunen.

Ansvaret til fylkeskommunen etter *andre ledd* omfattar barn og unge i barneverninstitusjonar, innlagde og barn og søskjen til innlagde i helseinstitusjonar, og innsette i fengsel. Sjå nærmare omtale i merknadene til §§ 28-3, 28-4 og 28-5.

*Tredje ledd* inneber at fylkeskommunane har plikt til å behandle søknader og ta imot søkerar frå andre fylke dersom dei har ledig kapasitet. Plikta omfattar berre søkerar med rett til vidaregåande opplæring for ungdom. Fylkeskommunane har ikkje plikt til å ta omsyn til ansvaret etter denne regelen når dei skal dimensjonere det vidaregåande opplæringstilbodet i fylket. Fylkeskommunar som tek inn søkerar som er busette i eit anna fylke, har krav på refusjon. Departementet kan gi forskrift om slik refusjon av utgifter for elevar som er busette i eit anna fylke, jf. *fjerde ledd andre punktum*. Plikta til å finansiere skoleplassar i andre fylke fritek ikkje fylkeskommunane frå plikta til å oppfylle retten til vidaregåande opplæring for søkerar som er busette i fylket.

*Fjerde ledd første punktum* gir departementet kompetanse til å gi generelle reglar i forskrift og til i enkeltilfelle å gi pålegg om kven som skal reknast som busett i fylket. Kompetansen til å gripe inn i enkeltilfelle kan til dømes brukast der det er usem mellom to fylkeskommunar.

*Femte ledd* gir departementet heimel til å gi forskrift om det økonomiske ansvaret til fylkeskommunen for utgifter til opphold for elevar i vidaregåande opplæring med rett til opplæring i og på norsk tekinspråk. Regelen er omtalt i punkt 29.5.8.

*Sjette ledd* slår fast at Oslo kommune fullt ut svarer til ein fylkeskommune etter lova.

*Til § 28-3 Ansvar for opplæringa til dei som bur i barneverninstitusjonar*

Paragrafen erstattar § 13-2 i dagens lov og er omtalt i punkt 53.

*Første ledd* slår fast at fylkeskommunane har ansvaret for både grunnskoleopplæring, førebuande opplæring for vaksne og vidaregåande opplæring til barn og unge som bur i godkjende statlege, regionale og kommunale barneverninstitusjonar. Fylkeskommunane der institusjonen ligg, er fagleg, juridisk og økonomisk ansvarleg for å oppfylle rettane etter opplæringslova. Ansvaret til fylket der institusjonen ligg, omfattar også barn og unge frå andre fylkeskommunar, som bur i institusjonen.

*Andre ledd* slår fast at fylkeskommunane der institusjonen ligg, har krav på refusjon for opplæring som blir gitt fra den.

*Tredje ledd* klargjer at det berre er når opplæringa skjer i institusjonen, at institusjonen skal sørge for lokale til formålet. Ansvaret omfattar både lokale til sjølve opplæringa og nødvendige tilleggslokale, som til dømes personalrom. Lokala skal vere gratis for fylkeskommunen. Dersom

opplæringa går føre seg utanfor institusjonen, til dømes i ein ordinær skole, har ikkje institusjonen ansvar for lokala.

*Til § 28-4 Ansvar for opplæringa til innlagde og for barn og søsken til innlagde i helseinstitusjonar*

Paragrafen erstattar delvis § 13-3a i dagens lov, og er delvis ny. Paragrafen er omtalt i punkt 53.

*Første ledd første punktum* slår fast at fylkeskommunane har ansvaret for både grunnskoleopplæring, førebuande opplæring for vaksne og vidaregåande opplæring til barn, unge og vaksne som er pasientar innlagde ved helseinstitusjonar geografisk plasserte innanfor fylkesgrensa. Fylkeskommunane der institusjonen er lokalisert, har berre ansvar for dei som er «innlagde». Dette betyr at elevar som får behandling ved ein poliklinikk, som hovudregel er ansvaret til bustadkommunen eller bustadfylket. I enkelte tilfelle kan ansvaret også omfatte dagpasientar og polikliniske pasientar, når tilknytinga pasienten har til institusjonen, kan likestilstast med det å vere døgnpasient.

*Første ledd andre punktum* slår fast at fylkeskommunane har ansvaret for å oppfylle retten til grunnskoleopplæring, førebuande opplæring for vaksne og vidaregåande opplæring for barn og unge som er pårørande til foreldre eller søsken som er innlagde i helseinstitusjonar. Regelen gjeld barn som er pårørande etter helsepersonellova § 10 a. Dette er mindreårige barn som har foreldre eller søsken som er pasient med psykisk sjukdom, rusmiddelavhengnad eller alvorleg somatisk sjukdom eller skade. Hovudregelen også for elevar som er pårørande, bør vere at dei følgjer opplæringa ved heimskolen. Opplæringa kan givast som fjernundervisning dersom vilkåra for det er oppfylte. Det at ein elev ikkje kan komme på skolen fordi eleven er pårørande, kan vere ein god grunn til å gi opplæring som fjernundervisning og ein særleg grunn til å la eleven få fjernundervisning andre stader enn på skolen, sjá § 14-4. Om det er trygt og pedagogisk forsvarleg å gi opplæringa som fjernundervisning, må vurderast konkret, og det må leggjast til rette for at lærar og elev kan kommunisere effektivt.

Fylkeskommunen bør opne for fleksible løysingar og vektlegge omsynet til eleven og kvar enkelt familie og samarbeide med heimskolen til eleven om opplæringa. Det beste for eleven skal ligge til grunn for vurderingane, og eleven skal bli høyrd. Ansvaret til fylkeskommunen for opplæringa oppstår først når pasienten har ei forventa liggjetid på minst fjorten dagar per skoleår. I

enkelte tilfelle kan ein pasient, sjølv med alvorleg eller kronisk tilstand, ha fleire kortare opphold i institusjonen. Likestilt med fjorten dagar liggjetid er derfor når pasienten har gjentekne kortare opphold i helseinstitusjon, som samla er forventa å medføre meir enn fjorten dagars fråvær frå ordinær skolegang for eleven. I tilfelle der eleven er avgangselev, skal ha eksamen eller liknande og derfor ikkje bør miste opplæring i det heile, er fylkeskommunane forventa å finne fram til løysingar i samarbeid med heimskolen uavhengig av kravet til liggjetid. I at institusjonsopphaldet må medføre «fråvær» frå opplæringa for barnet eller søskenet, ligg at det først og fremst er elevar som bur på eller i nær tilknyting til helseinstitusjonen på grunn av sjukdom hos søsken eller foreldre, og som av ulike grunner har lang reiseveg mellom sjukehus og heimskole, som blir omfatta av ansvaret til fylkeskommunen.

*Andre ledd* slår fast at ansvaret til fylkeskommunen omfattar statleg spesialisthelseteneste organisert i helseføretak, som igjen er eigm av dei regionale helseføretaka. Ansvaret omfattar også private helseinstitusjonar som er finansierte av dei regionale helseføretaka.

*Tredje ledd* slår fast at fylkeskommunen der institusjonen ligg, har krav på refusjon av utgifter til opplæring frå den fylkeskommunen der pasienten eller den pårørande var busett på tidspunktet for innlegging. Refusjonsretten er avgrensa til å gjelde utgifter knytte til opplæring i institusjonar som tilbyr tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelavhengige og pasientar i institusjonar innanfor psykisk helsevern. Tredje punktum gir departementet mynde til å fastsetje reglar om refusjon i forskrift.

*Fjerde ledd* klargjer at institusjonen skal sørge for lokale når opplæringa skjer i institusjonen. Ansvaret omfattar både lokale til sjølve opplæringa og nødvendige tilleggslokale, som til dømes personalrom. Lokala skal vere gratis for fylkeskommunen. Dersom opplæringa går føre seg utanfor institusjonen, til dømes i ein ordinær skole, har ikkje institusjonen ansvar for lokala.

*Til § 28-5 Ansvar for opplæringa til innsette i fengsel*

Paragrafen erstattar § 13-2 a i dagens lov og er omtalt i punkt 53.

Ansvaret til fylkeskommunen etter *første ledd* omfattar både soningsinnsette og varetektsinnsette som har lovfesta rett til opplæring som ungdom eller vaksne. Ansvaret omfattar også innsette som sonar i ein overgangsbustad, jf. straffegjenomføringslova § 10. Innsette som sonar i heildøg-

nophald i sjukehus, vil ikkje omfattast av denne paragrafen, men av ansvaret til fylkeskommunen etter § 28-4.

Ansvaret til kriminalomsorga etter *andre ledd* svarer til ansvaret til barneverninstitusjonane og helseinstitusjonane for lokale, sjå nærmere omtale i merknaden til §§ 28-3 og 28-4.

*Til § 28-6 Unntak frå hovudreglane om kva opplæring kommunen og fylkeskommunen har ansvar for*

Paragrafen er ny, men vidarefører dagens reglar om høve til å godkjenne ei anna ansvarsdeling enn det som følgjer av hovudreglane i §§ 28-1 til 28-5. Paragrafen er omtalt i punkt 53.

Departementet kan berre godkjenne unntak frå hovudreglane om ansvarsdelinga i «særlege tilfelle». Det inneber at det må vere gode grunnar som taler for ei anna ansvarsdeling enn den som følgjer av hovudreglane i lova. Når det i paragrafen blir vist til «opplæring», er det for å klargjere at tilbodet ikkje må vere ved ein eigen skole.

*Første ledd* vidarefører reguleringa i §§ 13-1 tredje ledd og 13-3 sjette ledd i dagens lov og gjeld all grunnskoleopplæring, førebuande opplæring for vaksne og vidaregående opplæring. Merk at fylkeskommunane ikkje må ha godkjenning for å drive grunnskoleopplæring etter § 28-2 andre ledd.

*Andre ledd første punktum* vidarefører § 1-2 fjerde ledd i dagens lov og inneber at departementet etter søknad frå fylkeskommunen kan godkjenne at fylkeskommunen kan stå ansvarleg for vidaregåande opplæring i utlandet når formålet med opplæringa er at elevane skal få norsk vitnemål ved fullført og bestått opplæring. Det er presistert i *andre punktum* at opplæringslova også gjeld for slik opplæring i utlandet. Ordninga kan omfatte både norske og utanlandske elevar, basert på frivillig deltaking. *Andre ledd tredje punktum* vidarefører at departementet i godkjenninga kan gjere unntak frå reglar i lova og forskrifter til lova. Det må gjennomførast ei konkret vurdering med avveging av ulike omsyn, som praktiske behov og omsynet til elevane og samfunnet. Etter *andre ledd fjerde punktum* kan departementet også endre vilkåra dersom forholda tilseier det, til dømes der det skjer endringar i regelverket som gjer det nødvendig. Departementet kan også trekke tilbake ei godkjenning dersom det er nødvendig. Dette er ei avgrensa moglegheit der det er nødvendig, til dømes av omsyn til elevane. Sjå nærmere omtale av regelen i Prop. 96 L (2010–2011) *Endringar i opplæringslova og privatskolelova (politiattest m.m.)*.

*Tredje ledd første punktum* vidarefører høve staten har til å kunne drive grunnskoleopplæring, førebuande opplæring for vaksne og vidaregåande opplæring. *Andre punktum* er nytt og gir departementet heimel til å gi forskrift om unntak frå reglane i lova og forskrifter til lova når staten driv grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring. Lova og forskriftene til lova gjeld med mindre det blir fastsett noko anna. Det inneber at reglane som gjeld for fylkeskommunen og kommunen gjeld tilsvarande for staten, med mindre anna er fastsett i forskrift.

*Til § 28-7 Ansvar for skyss, reisefølgje, tilsyn og losji*

Paragrafen vidarefører § 13-4 i dagens lov og er omtalt i punkt 37.

Ansvaret fylkeskommunen har for skyss etter *første ledd*, omfattar alle elevar med unntak av grunnskoleelevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg. Det betyr at når grunnskoleelevar, elevar i vidaregåande opplæring eller vaksne har rett til skyss på grunn av lengda på skolevegen, nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom, er fylkeskommunane ansvarlege for skyssen. Fylkeskommunane har også ansvaret for å oppfylle retten til båtskyss. Mynde til å gjere vedtak om skyss kan delegerast.

I nokre tilfelle kan ein grunnskolelev ha rett til skyss etter fleire reglar. Til dømes kan ein elev ha rett til skyss både på grunn av lengda på skolevegen og fordi skolevegen er særleg farleg. I slike tilfelle har fylkeskommunane ansvaret for å oppfylle retten til skyss.

*Andre ledd* slår fast at ansvaret for reisefølgje og tilsyn er fordelt mellom kommunane og fylkeskommunane på same måten som ansvaret for opplæringa.

*Tredje ledd* slår fast at kommunane skal dekkje vanleg personakst for grunnskoleelevar og vaksne elevar og betale refusjon til fylkeskommunane for dette. Refusjonen skal svare til den ordinære billettpisen for strekninga, uavhengig av kva som er dei reelle utgiftene til fylkeskommunen. «Personakst» vil seie den lågaste prisen på ordinær enkelbillett. Dette blir fastsett lokalt. Kommunane kan dekkje reisekostnadene ved å nytte rabattordningar som er knytte til den enkelte reisa, dersom slike rabattordningar finst. Det er ikkje nok at kommunane betaler for månadskort, halvårsskort eller årskort.

Det følgjer av første ledd andre punktum at kommunane har ansvaret for å oppfylle retten til skyss for grunnskoleelevar som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skole-

veg. Så lenge rettane blir oppfylte, kan kommunane vise elevane til ledige plassar på skyssruter som fylkeskommunane allereie har etablert. Kommunane skal i slike tilfelle dekkje vanleg personatakst. Dersom fylkeskommunane må etablere nye ruter for å skyss grunnskoleelevar som kommunane er ansvarlege for, vil det ikkje vere tilstrekkeleg med refusjon etter personatakst.

Det følgjer av *fjerde ledd første punktum* at fylkeskommunane og kommunane skal samarbeide om organiseringa av skoleskyssen. Kommunane skal ta organiseringa av skyssen med i vurderinga når dei fastset timeplanen og skoleruta. *Andre punktum* gir statsforvaltaren mynde til å gripe inn dersom det er usemje om organisering og finansiering av skoleskyssen.

*Femte ledd* slår fast at kommunane har ansvar for innlosjering av elevar i grunnskolen når dei ikkje har rett til skyss fordi dagleg skyss ikkje er forsvarleg, jf. § 5-3. Fylkeskommunane har ansvar for å hjelpe elevar i vidaregåande opplæring med å skaffe bustad og om nødvendig byggje elevheimar dersom elevane bur sånn til eller så langt borte at dei ikkje kan nytte dagleg skyss. Elevar i vidaregåande opplæring har, i motsetning til elevar i grunnskolen, ikkje rett til innlosjering og må betale for bustad sjølv.

*Sjette ledd* gir departementet heimel til å gi nærmere reglar i forskrift om skyss, godtgjersle, reisefølge, losji og refusjon ved skyss mellom fylke.

#### Til § 28-8 Ulykkesforsikring

Paragrafen erstattar § 13-3 b i dagens lov og er nærmere omtalt i punkt 55.

*Første ledd første punktum* vidarefører plikta kommunen og fylkeskommunen har til å sørge for ulykkesforsikring for elevar. Plikta til kommunen og fylkeskommunen er utvida til også å omfatte dei som deltek i opplæring særleg organisiert for vaksne. Elevar som er utplasserte i arbeidslivet og ikkje blir rekna som arbeidstakrar, til dømes elevar som har praksisdag på ungdomsskolen, eller elevar som har praksis i yrkesfagleg fordjuping (YFF), skal alltid vere dekte i kraft av å vere elevar. Tilsvarande gjeld for vaksne deltakrarar. Forsikringa vil likevel vere sekundær i forhold til dei dekningsmoglegitetene som blir tilbydde gjennom folketrygdlova og yrkesskadeforsikringslova.

Plikta i *første ledd* kan oppfyllast gjennom privat forsikring eller gjennom sjølvassuranseordning. Departementet kan gi nærmere regulering om korleis plikta skal oppfyllast, i forskrift, sjå merknad til tredje ledd nedanfor.

Dei som har teikna kontrakt om læretid i bedrift, vil vere arbeidstakrar i bedrifta og gjennom dette vere omfatta av yrkesskadeforsikringslova. *Første ledd andre punktum* inneber at fylkeskommunane skal sørge for ulykkesforsikring på vegen mellom heimen og arbeidsstaden for dei som har læretid i bedrift, ettersom skadar oppstått på denne strekninga ikkje blir dekte etter yrkesskadeforsikringslova. Forsikringa skal gjelde både på reise til den faste lokasjonen til lærebedrifta og på reise mellom heim og arbeidsstad, så framt yrkesskadeforsikringslova ikkje dekkjer forholdet.

*Andre ledd* slår fast at det ikkje gjeld ei plikt til å ulykkesforsikre elevar medan dei får leksehjelp, er i skolefritidsordninga eller på kulturskolen. Sjølv om det ikkje ligg føre ei lovpålagnad plikt til å teikne ei ulykkesforsikring som dekkjer desse situasjonane, hindrar ikkje regelen kommunen og fylkeskommunen i å teikne slik dekning på eige initiativ. I praksis vil ulykkesforsikringa til kommunen og fylkeskommunen ofte gi betre dekning enn minimumskrava i lova. Kva ulykkesforsikringa til den enkelte kommune eller fylkeskommune dekkjer, vil vere omfatta av informasjonsplikta til kommunen og fylkeskommunen etter § 10-8.

Kommunen har ikkje plikt til å ulykkesforsikre dei som får privat opplæring i heimen.

*Tredje ledd* gir departementet heimel til å gi nærmere reglar i forskrift om ulike sider av forsikringsordninga, inkludert om plikta til å sørge for ulykkesforsikring skal kunne oppfyllast ved sjølvassuranse.

#### Til § 28-9 Karriererettleiing

Paragrafen vidarefører § 13-3 f i dagens lov og er omtalt i punkt 46.

Etter *første ledd* skal alle fylkeskommunar ha eit tilbod om karriererettleiing. Tilboden skal gjelde for dei som er busette i fylkeskommunen, og vere gratis. At tilboden skal gjelde alle som er busette i fylkeskommunane, betyr ikkje at dei har ein individuell rett til å få rettleiing. Fylkeskommunane kan gjere prioriteringar og val innanfor rammene i lova og dei økonomiske rammene som følgjer med ordninga. Plikta til fylkeskommunen etter § 28-9 strekkjer seg ikkje lenger enn det som innan rimelege grenser kan finansierast av midlane som er lagde inn i rammeoverføringane til fylkeskommunane. Tilboden er avgrensa til dei som er folkeregistrerte som busette i fylkeskommunen. Personar som oppheld seg mellombels i fylket, til dømes studentar og vernepliktige frå andre fylkeskommunar, vil ikkje vere omfatta av tilboden.

Paragrafen må skiljast frå § 16-1 om ansvaret kommunen og fylkeskommunen har for rådgiving om utdannings- og yrkesval. Tilboden etter § 28-9 er eit karriererettleilingstilbod til busette i fylket generelt, medan rådgiving etter § 16-1 er retta mot dei som deltek i grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring.

*Andre ledd* gir departementet heimel til å gi forskrift om innhaldet i og organiseringa og omfanget av tilboden om karriererettleiling.

## Kapittel 29 Klageinstans, tilsyn og forsøk

### Til § 29-1 Klageinstans

Paragrafen erstattar dagens lov § 15-2 og er omtalt i punkt 59. Paragrafen gjeld ikkje for saker som gjeld det fysiske skolemiljøet etter §§ 12-2 og 12-7, sjá § 12-7 andre ledd.

*Første ledd* slår fast at staten ved departementet er klageinstans for vedtak etter opplæringslova. Dette gjeld vedtak både i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa. Departementet kan delegera myndet etter dei vanlege reglane om delegering.

*Andre ledd* gjer unntak for vedtak som ikkje gjeld opplæring eller tilrettelegging for opplæring og skoleskyss og reisefølgje og tilsyn i samband med skyss. For slike vedtak gjeld reglane i forvaltningslova om klageinstans.

Døme på vedtak som ikkje skal behandlast av staten, er vedtak som gjeld skolefritidsordning, leksehjelp og personalsaker. I desse tilfella gjeld reglane om klageinstans i forvaltningslova § 28. Det vil seie at kommunen eller fylkeskommunen er klageinstans.

I tillegg skal fylkeskommunane klagebehandle vedtak om kva for ein vidaregåande skole ein søker skal takast inn på, inntak av gjesteelevar i vidaregåande opplæring og vedtak som gjeld utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 eller programområde på vidaregåande trinn 2 og 3.

*Tredje ledd* fastset at departementet skal gi forskrift om klageinstans som avvik frå normalordninga i forvaltningslova når det gjeld klage på individuell vurdering.

### Til § 29-2 Statleg tilsyn

Paragrafen vidarefører dagens lov § 14-1 og er omtalt i punkt 60.

*Første ledd* vidarefører i hovudsak dagens regel om at statsforvaltaren kan føre tilsyn med kommunen og fylkeskommunen si oppfylling av plikter dei er pålagde i eller i medhald av opplæringslova. Tilsynsheimelen gjeld plikter som

berre er pålagde kommunane og fylkeskommunane. I motsetning til tidlegare angir regelen kva for plikter statsforvaltaren kan føre tilsyn med og nokre av pliktene som gjeld for kommunane og fylkeskommunane er unntatt frå tilsyn. Regelen vidarefører at statsforvaltaren kan føre tilsyn med at kommunane og fylkeskommunane oppfyller plikta til å ha internkontroll etter kommunelova § 25-1. Tilsyn etter regelen blir regulert av kommunelova når det gjeld rett til innsyn og mynde til å gi pålegg om retting. At tilsynet er lagt til statsforvaltaren er ikkje til hinder for at Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet kan instruere statsforvaltaren innanfor eige sektorområde, inkludert omgjere vedtak frå statsforvaltaren i samsvar med forvaltningslova § 35.

*Andre ledd* vidarefører dagens regel om at departementet kan føre tilsyn med andre plikter enn dei pliktene som berre er pålagde kommunane og fylkeskommunane. Det vil seie at det kan førast tilsyn med plikter der det er andre pliktsubjekt enn kommunar og fylkeskommunar, til dømes private skolar som er godkjende etter opplæringslova kapittel 22. Tilsyn etter regelen blir regulert av kommunelova når det gjeld rett til innsyn og mynde til å gi pålegg om retting. Departementet kan delegera tilsynsmakta etter andre ledd.

Tilsyn etter begge ledda er eit lovlegtilsyn. Det inneber at tilsynsmakta ikkje kan overprøve det frie skjønnet til kommunen og fylkeskommunen i større grad enn domstolane. Kva vurderingar som er lovbunde skjønn og dermed gjenstand for overprøving frå tilsynsmaktene, må vurderast konkret ut frå ei tolking av den enkelte regel, med tilhøyrande forarbeid og andre rettskjelder. Dette gjeld også for faglege vurderingar. Sjá proposisjonen punkt 5 om skjønnsmessige reglar.

### Til § 29-3 Forsøksverksemد

Paragrafen vidarefører i hovudsak dagens lov § 1-5 og er omtalt i punkt 64.

*Første punktum* opnar for at departementet kan godkjenne at kommunar og fylkeskommunar gjennomfører pedagogiske eller organisatoriske forsøk som føreset unntak frå opplæringslova eller forskrifter til opplæringslova. Departementet kan også gjere tilsvarande unntak etter eige initiativ, utan søknad frå ein kommune eller fylkeskommune. At eit unntak må vere «nödvendig», inneber at det ikkje vil vere tale om forsøk etter regelen dersom utprøvinga kan gjennomførast innanfor den fleksibiliteten som ligg i regelverket.

Det er eit vilkår at forsøka er tidsavgrensa. Kva som vil vere tenleg varigheit, må vurderast konkret. Det vil mellom anna vere relevant å ta omsyn til kva unntak forsøka krev, kva som er formålet med forsøka, og kva som er nødvendig for at ein kan få erfaringar frå utprøvinga.

*Andre punktum* fastslår at forsøka må vere «etisk forsvarlege». Dei same forskingsetiske krava som blir stilte til anna forsking, gjeld for forsøk etter opplæringslova.

Vidare er det krav om at forsøka skal vere godt fagleg underbygde, og at forsøksverksemda skal evaluerast og rapporterast, jf. *andre og tredje punktum*. Bakgrunnen for desse krava er at det må vere mogleg å lære av gjennomførte forsøk. Målet med forsøksverksemda skal vere å finne ut om nye eller alternative pedagogiske eller organisatoriske løysingar som blir prøvde ut, bør føre til regelverkssendingar. Heimelen bør ikkje nyttast berre med den grunngivinga at dei vanlege reglane ikkje passar i den situasjonen ein står overfor. Forsøksordninga skal heller ikkje nyttast som ein ordinær unntaksheimel eller få karakter av å vere ein dispensasjonsheimel. At forsøka ikkje kan svekkje dei grunnleggjande rettane til elevane etter lova, inneber mellom anna at forsøka ikkje kan føre til at elevane som deltek i utprøvinga, får eit vesentleg dårlegare utgangspunkt enn andre elevar. Til dømes kan forsøka ikkje avgrense retten elevane har til individuell vurdering og dokumentasjon, noko som igjen kan få følgjer for inntaket til elevane til vidaregåande opplæring og høgare utdanning.

#### *Til § 29-4 Oppfylling av enkeltvedtak som er kjent ugyldige*

Paragrafen vidarefører dagens lov § 15-7 og er omtalt i punkt 57.

*Første punktum* slår fast utgangspunktet om at ein kommune eller ein fylkeskommune har plikt til å oppfylle dei tenestene ein privat part har fått gjennom eit vedtak i eit statleg forvaltningsorgan, sjølv om kommunane eller fylkeskommunane har reist søksmål mot staten etter twistelova § 1-4 a, og domstolane har funne vedtaket ugyldig.

*Andre punktum* er eit unntak frå regelen om at eit ugyldig vedtak kan gjerast om, jf. forvaltningslova § 35 første ledd bokstav c. I dei tilfella der ein domstol har funne eit vedtak etter opplæringslova ugyldig etter eit søksmål etter twistelova § 1-4 a, kan forvaltninga i utgangspunktet ikkje gjere om vedtaket etter forvaltningslova § 35 første ledd bokstav c til skade for den private parten. Omgjering etter forvaltningslova § 35 første ledd bokstav c til skade for den private parten kan berre skje dersom

årsaka til at vedtaket er ugyldig, er at parten sjølv eller nokon som handla på vegner av den private parten, forsettleg eller grovt aktlaust har gitt feilaktige opplysningar eller halde tilbake opplysningar. Det er ikkje tilstrekkeleg for omgjering etter andre punktum at vedkommande sjølv eller nokon som opptrer på vegner av vedkommande, forsettleg eller grovt aktlaust har gitt feilaktige opplysningar eller halde tilbake opplysningar. For at vedtaket skal kunne gjerast om, må saka i tillegg verke slik at vedtaket ikkje ville fått det innhaldet det fekk, dersom det ikkje hadde vorte gitt feilaktige opplysningar eller halde tilbake opplysningar, jf. ordet «fordi» i lova. Feilaktige opplysningar har altså inga betydning dersom den private parten ville hatt krav på tenesta etter dei reelle forholda i saka. Det er vidare berre dersom den personen som gav dei feilaktige opplysningane, har rett til å representera den private parten overfor det offentlege, typisk der ei verje gir opplysningane, at vedtaket kan gjerast om etter denne regelen.

Omgjeringskompetansen til forvaltninga blir elles ikkje endra av denne regelen. Det inneber for det første at forvaltninga, etter ein dom om at eit vedtak er ugyldig etter eit søksmål etter twistelova § 1-4 a, framleis kan gjere om vedtaket etter dei andre reglane i forvaltningslova § 35, også § 35 siste ledd. For det andre inneber det at dersom kommunane ikkje legg vedtaket fram for domstolen, gjeld dei alminnelege omgjeringsreglane fullt ut.

#### **Åttande del – sluttreglar**

##### **Kapittel 30 Iverksetjing og overgangsreglar**

###### *Til § 30-1 Iverksetjing og oppheving*

Paragrafen erstattar dagens lov § 16-1 og er omtalt i punkt 67.2. Etter første punktum fastset Kongen når lova skal tre i kraft. Andre setning fastset at frå same tid blir lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa oppheva. I tredje punktum blir det gitt heimel til at Kongen kan vedta delt iverksetjing, det vil seia at kapitla og paragrafane i lova kan tre i kraft til ulik tid. Kongen kan delegera myndigheita til å setje i verk deler av lova til departementet.

###### *Til § 30-2 Overgangsreglar*

Paragrafen erstattar delvis dagens lov § 16-2 og er omtalt i punkt 67.3. Heimelsgrunlaget for fleire forskrifter og enkeltvedtak vil etter at denne lova blir sett i verk ligge i denne lova. Det gjeld til dømes forskrift til opplæringslova, læreplanverket

og lokale forskrifter, herunder skoleregler. Forskriftene og enkeltvedtaka vil etter første ledd første punktum stå ved lag inntil Kongen fastset noko anna. Etter første ledd andre punktum kan Kongen gi overgangsreglar for å sikre ei god overgang til ny lov.

I andre ledd vert stillingsvernet til enkelte ansatte i grunnskolen vidareført, se merknad til dagens lov § 16-2 i Ot.prp. nr. 46 (1997–98).

#### *Til § 30-3 Endringar i andre lovar*

Paragrafen endrar privatskolelova, samelova, barnehagelova, fagskolelova og barnevernslova.

#### **Til endringar i privatskolelova**

##### *Til § 1-2 Verkeområde*

Paragrafen vidarefører i hovudsak dagens § 1-2, men *første ledd andre og tredje punktum* er nye. Reglane inneber ingen innhaldsmessige endringar, men gjer det tydeleg at det berre er reglane i kapittel 6 A som gjeld for diverse skolar som gir yrkesretta opplæring.

I *andre ledd* er tilvisinga til reglane om godkjenning av private grunnskolar etter opplæringslova endra i samsvar med ny opplæringslov.

*Tredje ledd* er endra som følgje av forslaget til ny paragraf om fjernundervisning, jf. §3-4 a. Hovudregelen er at privatskolelova ikkje gjeld ved kjøp av opplæringstenester, men det er gjort unntak for kjøp av opplæringstenester ved gjennomføring av fjernundervisning. Unntaket inneber at det er mogleg for privatskolane å kjøpe og selje opplæringstenester både til og frå andre skolar godkjende etter privatskolelova og til og frå offentlege skolar i dei tilfella opplæringa blir gjennomført som fjernundervisning i samsvar med krava i privatskolelova § 3-4 a. Departementet viser til privatskolelova § 6-3 og understrekar at det er styret ved skolen som skal sørge for at alt statstilskot og alle skolepengane kjem elevane til gode. Styret har ansvar for at all handel med skoleeigarane eller deira nærståande er gjort på marknadsvilkår. Tilgangen til fjernundervisning etter § 3-4 a gjeld også diverse skolar som gir yrkesretta opplæring, jf. § 6 A-7 første ledd bokstav g. Reglane om bruk av statstilskot for diverse skolar som gir yrkesretta opplæring står i § 6 A-6. Forskriftsheimelen i dagens tredje ledd siste punktum om rapportering og dokumentasjon ved bruk av fjernundervisning er flytta til § 3-4 a siste ledd.

#### *Til § 1-3 Definisjonar*

Paragrafen vidarefører i hovudsak dagens § 1-3.

*I første ledd* er tilvisingane til reglane i opplæringslova endra i samsvar med ny opplæringslov.

*Andre ledd* er nyt og presiserer at «vertskommune» og «vertsfylke» er den kommunen eller fylkeskommunen der privatskolen ligg eller er planlagt etablert. Definisjonen på «vertskommune» og «vertsfylke» inneber ingen innhaldsmessige endringar og er i samsvar med dagens rettsoppfatning.

*Tredje ledd* er nyt. Regelen inneber ingen innhaldsmessige endringar, men gjer tydeleg skiljet mellom private grunnskolar og vidaregåande skolar som er godkjende etter § 2-1 og diverse skolar som gir yrkesretta opplæring godkjent etter § 6 A-1. Sjå punkt 66.

#### *Til § 2-1 Godkjenning av skolar*

Det er gjort språklege rettingar i *andre ledd* og i *tredje ledd*.

#### *Til § 2-3 Krav til innhald i opplæringa*

*I første ledd* er tilvisinga til opplæringslova endra i samsvar med ny opplæringslov. Siste punktum vidarefører den forskriftsheimelen som følgjer av dagens § 2-3 andre ledd første punktum.

*Andre ledd* vidarefører i hovudsak dagens andre ledd, men heimelen til å gi forskrift om vurdering, klage på vurdering, eksamen og dokumentasjon er flytta til ny § 2-3 a *Vurdering og dokumentasjon*.

*Tredje ledd* inneber at inntil 5 prosent av timane som er sette av til kvart enkelt fag i fag- og timefordelinga, kan flyttast til andre fag eller brukast til særskilde tverrfaglege aktivitetar. Regelen inneber ikkje ei plikt for skolen til å ha tverrfagleg opplæring eller ei avgrensing i omfanget av tverrfagleg opplæring. Det kan gjennomførast tverrfagleg opplæring i meir enn 5 prosent av timane, men utover denne andelen må tidsbruken fordelast på andre fag i samsvar med kravet om minstetimetall. Regelen om å flytte timer følgjer i dag av forskrift til privatskolelova § 2A-1. Regelen er i samsvar med ny opplæringslov § 1-6 andre ledd. Sjå vurderingane til departementet i punkt 66 og merknaden til ny opplæringslov § 1-6 andre ledd.

#### *Til § 2-3 a Vurdering og dokumentasjon*

Paragrafen er ny og i samsvar med ny opplæringslov § 2-3 andre ledd og § 5-4 andre ledd.

Sjå vurderingane til departementet i punkt 66.5 og merknadene til ny opplæringslov § 2-3 andre ledd og § 5-4 andre ledd.

#### *Til § 2-4 Krav til skoleanlegg og skolemiljø*

I *andre ledd* er tilvisingane til opplæringslova endra i samsvar med ny opplæringslov. *Tredje ledd* er nytt og presiserer kven som er plikt- og ansvarssubjektet i private skolar når opplæringslova kapittel 12 skal brukast.

Sjå merknadene til reglane i ny opplæringslov kapittel 12 og § 13-2.

#### *Til § 2-5 Forsøksverksemd*

Paragrafen vidarefører i hovudsak dagens reglar i § 2-5, men er endra slik at han er i samsvar med ny opplæringslov § 29-3. Sjå merknadene til ny opplæringslov § 29-3 og punkt 64.

#### *Til § 3-1 Inntak av elevar*

*Første ledd* vidarefører dagens første ledd. I første ledd *andre punktum* er tilvisingane til opplæringslova endra i samsvar med ny opplæringslov. Det er retten til vidaregåande opplæring som dannar grunnlaget for inntak til ein privat vidaregåande skole. Det betyr at søkeren som hovudregel må ha rett til vidaregåande opplæring som ungdom eller voksen etter reglane i opplæringslova. Retten til omval i ny opplæringslov § 5-5 og retten til påbygging til generell studiekompetanse i ny opplæringslov § 5-7 første ledd første og andre punktum gir grunnlag for inntak til private vidaregåande skolar. Det same gjeld rett til vidaregåande opplæring for vaksne, jf. ny opplæringslov § 18-3 og rett til yrkesfagleg rekvalifisering i ny opplæringslov § 18-4. Sjå også endringane i § 3-2 om bruk av retten i private vidaregåande skolar.

*Andre ledd* vidarefører i hovudsak dagens andre ledd. Tilvisingane til opplæringslova er endra i samsvar med ny opplæringslov. Andre ledd *første punktum* er nytt og presiserer det som i dag følgjer indirekte av privatskolelova § 3-1 om at private skolar kan ta inn vaksne søkerar med rett til vidaregåande opplæring. Dagens reglar om prioriteringssrekkefølgje er vidareført. Ungdom med rett til vidaregåande opplæring skal ha førsteprioritet ved inntak framfor vaksne med rett til vidaregåande opplæring. Privatskolar blir ikkje godkjende for å tilby opplæring særleg organisert for vaksne. Alle som går i privatskolar, er elevar. Reglane i opplæringslova § 18-3 tredje ledd gjeld derfor ikkje vaksne elevar i private vidaregåande

skolar. Vaksne elevar i private vidaregåande skolar følgjer opplæringa i heile fag, på same måten som ungdom.

I andre ledd *sjette punktum* er tilvisinga endra som følgje av nytt første punktum.

Sjå vurderingane til departementet i punkt 66.5.

#### *Til § 3-2 Rett og plikt til opplæring*

Paragrafen vidarefører dagens § 3-2.

I *første ledd* er tilvisinga til opplæringslova endra i samsvar med ny opplæringslov.

I *andre ledd* er tilvisingane til opplæringslova endra i samsvar med ny opplæringslov. Dersom ein privat vidaregåande skole er godkjend for å tilby påbygging til generell studiekompetanse, kan retten til påbygging til generell studiekompetanse takast ut på den private skolen.

#### *Til § 3-3 Skolegangen*

Paragrafen vidarefører i hovudsak vidare dagens § 3-3.

I *andre ledd* er tilvisingane til opplæringslova endra i samsvar med ny opplæringslov.

I *fjerde ledd* er tilvisinga til opplæringslova endra, og regelen om rett til vidaregåande opplæring i inntil to år ekstra er tatt ut av paragrafen som følgje av at retten til vidaregåande opplæring er utvida, sjå ny opplæringslov § 5-1 andre ledd.

#### *Til § 3-4 Inndeling av elevar i klassar og grupper*

Paragrafen vidarefører dagens § 3-4, men er endra i samsvar med ny opplæringslov § 14-2. Sjå merknadene til ny opplæringslov § 14-2 og punkt 14.

#### *Til § 3-4 a Fjernundervisning*

Paragrafen er ny og i samsvar med ny opplæringslov § 14-4. Forskriftsheimelen i dagens § 1-2 tredje ledd om rapportering og dokumentasjon ved bruk av fjernundervisning er flytta til § 3-4 a siste ledd. Sjå merknadene til ny opplæringslov § 14-4 og punkt 66.5.

#### *Til § 3-4 b Tilpassa opplæring*

Regelen er i hovudsak ei vidareføring av dagens § 3-4 a, men er tilpassa ny opplæringslov § 11-1. Sjå merknadene til ny opplæringslov § 11-1 og punkt 66 og 24.

**Til § 3-4 c Tilfredsstillande utbytte av opplæringa**

Paragrafen er ny, men vidarefører dei pliktene skolen har etter opplæringslova § 5-4 første ledd andre og tredje punktum. Desse reglane gjeld også for private skolar, jf. privatskolelova § 3-6. Paragrafen er i samsvar med ny opplæringslov § 11-2.

Sjå merknadene til ny opplæringslov § 11-2, og punkt 66 og 24.

**Til § 3-4 d Intensiv opplæring på 1. til 4. trinn**

Paragrafen vidarefører dagens § 3-4 b og er i samsvar med ny opplæringslov § 11-3. Sjå merknadene til ny opplæringlov § 11-3 og punkt 66 og 24.

**Til § 3-5 Særskild språkopplæring**

Paragrafen vidarefører delar av dagens § 3-5, men er endra i samsvar med ny opplæringslov § 3-6 om særskild språkopplæring i grunnskolen og § 6-5 om særskild språkopplæring i den vidaregåande opplæringa. Sjå merknadene til ny opplæringslov § 3-6 og § 6-5 og punkt 66 og 28.

Det følgjer av forvaltningslova § 17 at saka skal vere så godt opplyst som mogleg før heimkommunen eller heimfylket gjer vedtak.

Etter *andre ledd* skal heimkommunen eller heimfylket jamleg vurdere om eleven kan norsk godt nok til å følge den vanlege opplæringa. Regelen erstattar dagens regel om undervegskartlegginga som i dag ligg på kommunen og fylkeskommunen.

Presiseringa i *femte ledd* om at reglane ikkje gjeld for elevar ved internasjonale skolar er ny, men følgjer av dagens forvaltningspraksis.

**Til § 3-5 a Innføringsopplæring for elevar som har budd kort tid i Noreg**

Paragrafen vidarefører delar av dagens § 3-5 og er i samsvar med forslaget til ny opplæringslov § 3-7 om innføringsopplæring for elevar i grunnskolen som har budd kort tid i Noreg, og § 6-6 om innføringsopplæring for elevar i den vidaregåande opplæringa som har budd kort tid i Noreg. Sjå merknadene til § 3-7 og § 6-6 i ny opplæringslov.

Presiseringa i *fjerde ledd* om at reglane ikkje gjeld for elevar ved internasjonale skolar, er ny, men følgjer av dagens forvaltningspraksis. Sjå punkt 66.

**Til § 3-6 Individuell tilrettelegging**

Paragrafen vidarefører ordninga med tilvising til reglane i opplæringslova. Paragrafen er endra i samsvar med endra omgrepss bruk i ny opplæringslov og den inndelinga som er gjort av retten til individuell tilrettelegging.

*Første ledd* er det teke inn ei presisering om at elevar i privatskolar har same rett til individuell tilrettelegging som elevar i offentlege skolar.

*Andre ledd første punktum* er det presisert at heimkommunen eller heimfylket til eleven gjer vedtak om personleg assistanse, vedtak om fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel og vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring. *Andre ledd andre punktum* vidarefører dagens reglar, slik at det er heimkommunen eller heimfylket skal dekke utgiftene til individuell tilrettelegging i private skolar på lik linje med offentlege skolar. *Andre ledd tredje punktum* er ny og presiserer at vedtak om dekning av utgifter til individuell tilrettelegging er eit enkeltvedtak. Presiseringa om at reglane ikkje gjeld opplæringstilbod spesielt organisert for vaksne, er tatt ut av paragrafen.

Sjå punkt 66.5 og merknadene til §§ 11-4 til 11-11 i ny opplæringslov.

**Til § 3-7 Rett til skyss, reisefølgje og tilsyn**

Paragrafen vidarefører dagens reglar om skyss.

*Første ledd* er tilvisingane til opplæringslova endra i samsvar med ny opplæringslov. Sjå merknadene til ny opplæringslov § 4-1, § 4-2 og § 4-3 første, andre og tredje ledd.

*Andre ledd* er tilvisingane til opplæringslova endra som følge av forslaget til ny opplæringslov. *Tredje ledd* vidarefører dagens andre ledd. Tilvisinga til opplæringslova er endra. Presiseringa om at reglane ikkje gjeld opplæringstilbod spesielt organisert for vaksne, er tatt ut av *fjerde ledd*.

Sjå merknadene til ny opplæringslov § 9-1 og § 9-2.

**Til § 3-10 Bortvising**

Paragrafen vidarefører dagens § 3-10, men er endra i samsvar med ny opplæringslov § 13-1.

*Første ledd* regulerer rammene for kva tilfelle og med kva varigheit det kan fastsetjast i skolereglane at bortvisting kan brukast som reaksjon på brot på skolereglane, jf. forslaget til § 5 A-7.

*Andre ledd andre punktum* presiserer at foreldra til ein elev på 1. til 7. trinn skal få beskjed før eleven blir bortvist for resten av dagen. Regelen supplerer regelen i § 5 A-8. Sjølv om foreldra ikkje

får melding i forkant av ei bortvising, kan § 5 A-8 innebere at foreldra skal ha informasjon om bortvisinga etter at ho er sett i verk.

*Tredje ledd* regulerer kven som kan ta avgjerda om å vise bort ein elev. Myndet til å vise bort ein elev er lagt til dagleg leiar «sjølv». Ordlyden tilseier at dette myndet ikkje kan delegerast vidare til andre. Det er eitt unntak frå delegeringsforbodet i tredje ledd *andre punktum*. Dersom styret til skolen ikkje har fastsett noko anna, kan dagleg leiar delegera til éin lærar, fleire lærarar eller alle lærarane ved skolen å vise bort elevar frå ei opplæringsøkt som læraren har ansvaret for.

Sjå merknadene til ny opplæringslov § 13-1.

#### *Til § 3-11 Rådgiving om utdannings- og yrkesval*

Paragrafen vidarefører den delen av dagens § 3-11 som gjeld rådgiving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval. Paragrafen er i samsvar med ny opplæringslov § 16-1 første og andre ledd.

Sjå merknadene til § 16-1 første og andre ledd i ny opplæringslov.

#### *Til § 3-11 a Rådgiving om sosiale og personlege forhold*

Paragrafen er ny, men han vidarefører den delen av dagens § 3-11 som gjeld rådgiving om sosiale spørsmål. Paragrafen er i samsvar med ny opplæringslov § 16-2 første og andre ledd.

Sjå merknadene til § 16-2 første og andre ledd i ny opplæringslov.

#### *Til § 3-12 Fritak frå aktivitetar i opplæringa på grunn av livssyn*

Paragrafen vidarefører dagens reglar om at reglane i opplæringslova om fritak frå aktivitetar i opplæringa på grunn av livssyn også gjeld elevar i private grunnskolar, men er endra slik at fritaksretten også gjeld elevar i private vidaregåande skolar. Unntaket frå retten til fritak for elevar i skolar godkjende etter privatskolelova § 2-1 andre ledd bokstav a livssyn gjeld også elevar i private vidaregåande skolar. Tilvisinga til opplæringslova er endra i samsvar med ny opplæringslov.

I andre punktum er ordlyden «*oppretta av religiøse grunnar*» er endra til «*godkjent etter § 2-1 andre ledd bokstav a livssyn*». Endringa er gjort for å gjere koplinga til godkjenningsgrunnlaget tydeleg og utgjer inga innhaldsmessig endring.

Sjå punkt 66.5 og merknadene til ny opplæringslov § 14-6 om fritaksretten.

#### *Til § 3-13 Permisjon frå den pliktige grunnskoleopplæringa*

Paragrafen vidarefører i hovudsak dagens § 3-13, men paragrafen er endra slik at han er i samsvar med ny opplæringslov § 2-2 fjerde og femte ledd.

Sjå merknadene til ny opplæringslov § 2-2 fjerde og femte ledd.

*Første ledd* inneber at skolen kan gi permisjon dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg. Fordi privatskolar får statstilskot per faktisk elev, kan ikkje permisjonen vere meir omfattande enn at det er klart at eleven framleis er elev ved skolen.

Etter første ledd *andre punktum* er det eit krav om at skolen skal ha retningslinjer om permisjon frå skolen. Dette er nytt og må sjåast i samanheng med kravet i forslaget til ny opplæringslov om at kommunen skal gi forskrift om permisjon frå grunnskoleopplæringa.

#### *Til § 3-14 Alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)*

Paragrafen vidarefører dagens § 3-14, men er endra i samsvar med ny opplæringslov § 11-12. Sjå merknadene til § 11-12 i ny opplæringslov.

Val av kommunikasjonsformer og kommunikasjonsmiddel må gjennomførast i nært samarbeid med den som skal uttrykkje seg, jf. ny § 5 A-1 og ny § 5 A-2.

#### *Til § 3-15 Forbod mot bruk av plagg som dekkjer ansiktet*

Paragrafen vidarefører i hovudsak dagens § 3-15, men er endra slik at han er i samsvar med ny opplæringslov § 27-2. Sjå merknadene til § 27-2 i ny opplæringslov.

Dersom skolen skal kunne bruke ordenstiltak overfor ein elev som bryt forbodet, må dette fastsetjast i skolereglane etter ny § 5 A-7.

#### *Til § 4-1 Leiing*

Paragrafen vidarefører dagens § 4-1, men ordlyden i *første ledd* er endra i samsvar med ordlyden i ny opplæringslov § 17-2 første ledd første punktum.

#### *Til § 4-2 Kompetansekrav til undervisningspersonalet*

Paragrafen vidarefører dagens § 4-2, men paragrafen er endra som følgje av at tilvisingane til opplæringslova er endra. Sjå merknadene til ny opplæringslov § 17-3 og § 17-4.

*Til § 4-3 Politiattest og forbod mot tilsetjing*

Paragrafen vidarefører og utvidar dagens § 4-3. Paragrafen er i samsvar med ny opplæringslov § 17-11. Sjå merknadene til § 17-11 i ny opplæringslov.

*Til § 4-5 Bruk av anna personale i opplæringa enn dei som er tilsett i lærarstilling*

Paragrafen er endra slik at han er i samsvar med ny opplæringslov § 17-6. Sjå merknadene til ny opplæringslov § 17-6.

*Til § 4-6 Krav om at skolane har tilgang på vikarar*

Paragrafen er ny og svarer til ny opplæringslov § 17-7. Sjå merknadene til ny opplæringslov § 17-7.

*Til § 5-1 Styret*

Paragrafen vidarefører dagens § 5-1.

I andre ledd bokstav b er ordlyden endra som følgje av regelen i ny opplæringslov om at elevane kan velje å organisere seg på annan måte enn med eit elevråd, jf. § 5 A-5 andre ledd.

I andre ledd bokstav c er ordlyden endra som følgje av at regelen om foreldreråd ikkje blir vidareført.

I tredje ledd er det gjort nokre få språklege endringar.

*Til § 5-2 Styret sine oppgåver*

I andre ledd bokstav d er omgrepet «ordensreglement» erstatta med «skolereglar», jf. § 5A-7. I bokstav e er tilvisinga til regelen om pålagt skolebyte i opplæringslova endra.

*Til § 5-2 b Plikt til å arbeide med kvalitetsutvikling*

Feil tilvising i første ledd første punktum er retta.

*Til § 5-5 Overgangen frå barnehagen til skolen*

Paragrafen vidarefører i hovudsak dagens § 5-5, men er endra i samsvar med ny opplæringslov § 4-7.

*Til § 5-6 Overgangen frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa*

Paragrafen er ny og svarer til ny opplæringslov § 9-5. Plikta til å sørge for ein trygg og god overgang frå grunnskolen til den vidaregåande opplæ-

ringa og plikta til å samarbeide gjeld uavhengig av om overgangen skjer frå ein privat grunnskole til ein privat vidaregåande skole, frå ein privat grunnskole til ein offentleg grunnskole, frå ein offentleg grunnskole til ein privat vidaregåande skole eller frå ein offentleg grunnskole til ein offentleg vidaregåande skole. Paragrafen må derfor sjåast i samanheng med ny opplæringslov § 9-5 og merknaden til denne.

*Til § 5A-1 Det beste for eleven*

Paragrafen er ny og i samsvar med ny opplæringslov § 10-1. Sjå merknaden til § 10-1 i ny opplæringslov og punkt 66.5.

*Til § 5A-2 Elevane sin rett til medverknad*

Paragrafen er ny og i samsvar med ny opplæringslov § 10-2. Sjå merknaden til § 10-2 i ny opplæringslov og punkt 66.5.

*Til § 5A-3 Samarbeid med foreldra*

Paragrafen er i hovudsak ei vidareføring av dagens § 7-1 d og er i samsvar med ny opplæringslov § 10-3. Sjå merknaden til § 10-3 i ny opplæringslov og punkt 66.5.

*Til § 5A-4 Skoledemokratiet*

Paragrafen er ny og i samsvar med ny opplæringslov § 10-4. Sjå merknaden til § 10-4 i ny opplæringslov og punkt 66.5.

*Til § 5A-5 Organiseringa av skoledemokratiet*

Paragrafen er ny og erstattar dagens § 5-3 om elevråd og § 5-4 om foreldreråd i grunnskolen. Første ledd tredje punktum er nytt og presiserer at skolens styre skal sørge for at det blir fastsett kva for andre brukarorgan skolen skal ha. Paragrafen er tilpassa ny opplæringslov § 10-5. Sjå merknaden til § 10-5 og punkt 66.5.

*Til § 5A-6 Elevane si plikt til å delta og skolens oppfølgingsplikt*

Paragrafen er ny og i samsvar med ny opplæringslov § 10-6. Paragrafen inneber ei plikt for elevar i private skolar til å vere aktivt med i opplæringa. Sjå punkt 66.5 og merknaden til § 10-6 i ny opplæringslov.

**Til § 5A-7 Skolereglar**

Paragrafen er i hovudsak ei vidareføring av dagens § 3-9, og han er endra i samsvar med ny opplæringslov § 10-7. I samsvar med privatskolelova § 5-2 andre ledd bokstav d er det presisert at det er styret til skolen som fastset skolereglane. Sjå også merknaden til § 10-7 i ny opplæringslov.

**Til § 5A-8 Informasjon til elevane og foreldra**

Paragrafen er ny men vidarefører i hovudsak reglane om informasjonsplikt i lova og i forskrifter til lova. Paragrafen er i samsvar med ny opplæringslov § 10-8. Sjå merknaden til § 10-8 i ny opplæringslov og punkt 66.5.

**Til § 6A-1 første ledd**

Nytt *første punktum* presiserer at kapittelet gjeld godkjenning av diverse skolar som gir yrkesretta opplæring.

**Til § 6A-7 Andre reglar**

Paragrafen vidarefører dagens § 6 A-7, men han er omarbeidd. I *bokstav a)* er det lagt til tilvising til delar av formålsregelen i privatskolelova, § 1-1 andre og tredje ledd. I *bokstav g)* er det lagt til ei tilvising til § 3-4 a om fjernundervisning. I *bokstav k)* er det lagt til ei tilvising til § 4-3 om politiattest og forbod mot tilsettjing. I *bokstav n)* er det lagt til ei tilvising til § 5-2 a om internkontroll. I *bokstav o)* er det lagt til ei tilvising til § 5-2 b første ledd om plikt til å arbeide med kvalitetsutvikling. I *bokstav p)* er det lagt til ei tilvising § 5 A-5 om organisering av skoledemokratiet. Tilvisinga til § 7-2 a om moglege reaksjonsformer blir vidareført i bokstav t, men unntaket for fjerde ledd er teke ut som følgje av at delar av formålsparagrafen skal gjelde for skolar godkjende etter § 6 A-1.

**Til § 7-1 b Ulykkesforsikring**

Paragrafen vidarefører dagens § 7-1 b, men er endra i samsvar med ny opplæringslov § 28-8. Sjå merknaden til § 28-8 i ny opplæringslov.

**Til § 7-1 e Leksehjelp**

Paragrafen vidarefører dagens § 7-1 e, men er endra i samsvar med ny opplæringslov § 4-4. Sjå merknaden til § 4-4 i ny opplæringslov.

**Til § 7-2 c Plikt til å delta i evalueringar og gi opplysningar**

Paragrafen vidarefører dagens § 7-2c, men er endra i samsvar med ny opplæringslov § 25-4. Sjå merknaden til ny opplæringslov § 25-4.

**Til § 7-4 Plikt til å melde frå til barnevernet**

Paragrafen vidarefører dagens § 7-4, men er endra i samsvar med § 24-3 i ny opplæringslov. Sjå merknaden til § 24-3 i ny opplæringslov.

**Til § 7-5 Opplysningar til den kommunale helse- og omsorgstenesta og sosialtenesta**

Paragrafen er endra i samsvar med ny opplæringslov § 24-2. Sjå merknaden til ny opplæringslov § 24-2.

**Til § 7-6 Straffansvar for brot på opplæringsplikta**

Paragrafen vidarefører dagens § 7-6, men er endra i samsvar med ny opplæringslov § 2-7. Sjå merknaden til § 2-7 i ny opplæringslov.

**Til § 7-7 Rett til å ta avgjerder for eleven når barnevernstenesta har overteke omsorga**

Paragrafen vidarefører dagens § 7-7, men er endra i samsvar med ny opplæringslov § 24-4. I andre ledd er tilvisingane til opplæringslova endra i samsvar med ny opplæringslov.

**Til § 7-8 Innhenting av opplysningar frå folkeregisteret**

Paragrafen vidarefører dagens § 7-8, men er endra i samsvar med ny opplæringslov § 25-3. Sjå merknaden til § 25-3 i ny opplæringslov.

**Til § 7-9 Behandling av personopplysningar og unntak frå teieplikt**

Paragrafen vidarefører dagens § 7-9, men er endra i samsvar med ny opplæringslov § 25-1. Sjå merknaden til § 25-1 i ny opplæringslov.

**Til § 7-10 Plikt til å levere vitnemål frå vidaregåande opplæring til nasjonal database for vitnemål og dokumentasjon av kompetanse**

Tilvisinga til opplæringslova er endra.

**Til endringar i samelova***Til § 3-8 andre ledd*

Tilvisinga til opplæringslova er endra i samsvar med ny opplæringslov. Sjå omtale i punkt 67.1.

**Til endringar i barnehagelova***Til § 2a første ledd første punktum*

Tilvisinga til opplæringslova er endra i samsvar med ny opplæringslov. Sjå omtale i punkt 67.1.

*Til § 5 første ledd tredje punktum*

Tilvisinga til opplæringslova er endra i samsvar med ny opplæringslov. Sjå omtale i punkt 67.1.

**Til endringar i fagskolelova***Til § 41 første ledd*

Tilvisinga til opplæringslova er endra i samsvar med ny opplæringslov. Sjå omtale i punkt 67.1.

**Til endringar i barnevernslova***Til § 15-13 andre ledd*

Tilvisinga til opplæringslova er endra i samsvar med ny opplæringslov. Sjå omtale i punkt 67.1.

Kunnskapsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova).

---

**Vi HARALD, Noregs Konge,**

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

# til lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)

## Første del – innleiande reglar

### Kapittel 1 Formålet med og krava til opplæringa

#### § 1-1 Formålet med lova

Lova skal legge til rette for at barn, ungdom og vaksne får god opplæring i eit godt miljø.

#### § 1-2 Verkeområde

Lova gjeld for grunnskoleopplæring, vidaregåande opplæring og verksmed knytt til opplæringa. Lova gjeld ikkje for skolar som er godkjende etter privatskolelova.

Kongen kan gi forskrift om at lova eller delar av ho skal gjelde på Svalbard og om særlege reglar av omsyn til tilhøva på staden.

#### § 1-3 Formålet med opplæringa

Opplæringa skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og dei som har lærerid i bedrift, historisk og kulturell innsikt og forankring.

Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet, verdiar som også kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn, og som er forankra i menneskerettane.

Opplæringa skal utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og den felles internasjonale kulturtradisjonen.

Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den enkelte si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane og dei som har lærerid i bedrift, skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningars som gjer at dei kan meistre livet sitt og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrong.

Elevane og dei som har lærerid i bedrift, skal lære å tenke kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Elevane og dei som har lærerid i bedrift, skal møtast med tillit, respekt og krav og få utfordringer som fremjar danning og læreryst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

#### § 1-4 Mål og prinsipp for opplæringa

Kongen gir forskrift om overordna mål og prinsipp for opplæringa.

Departementet gir forskrift om læreplanar i fag.

#### § 1-5 Samisk innhald i opplæringa og samiske læreplanar

Forskrift om læreplanar etter § 1-4 andre ledd skal gi pålegg om opplæring om den samiske folkegruppa og om språket, kulturen og samfunnslivet til denne folkegruppa i tilknyting til dei ulike fagområda.

Sametinget gir forskrift om det samiske innhaldet i dei nasjonale læreplanane i fag og om læreplanar for opplæring i samiske språk. Sametinget gir også forskrift om læreplanar i særskilde samiske fag i den vidaregåande opplæringa. Forskrifta skal haldast innanfor dei rammene som departementet har fastsett.

Departementet gir forskrift om andre særskilde læreplanar for grunnskoleopplæringa i forvaltningsområdet for samisk språk og for andre elevar som får samisk opplæring i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa. Sametinget skal i samråd med departementet lage utkast til forskrift.

#### § 1-6 Fag- og timefordeling og tilbodsstruktur

Departementet gir forskrift om kor mange timer med opplæring elevar i grunnskolen skal ha, kor mange timer som skal brukast til kvart fag, og korleis timane skal delast mellom trinna.

Kommunen kan gi forskrift om at opp til fem prosent av timane i kvart fag i grunnskolen skal flyttast til andre fag eller brukast til særskilde tverrfaglege aktivitetar.

Departementet gir forskrift om kva for utdanningstilbod som fører fram til studiekompetanse eller yrkeskompetanse i den vidaregåande opplæringa.

Departementet kan gi forskrift om kor mange timer med opplæring elevar i den vidaregåande opplæringa skal ha, kor mange timer som skal brukast til kvart fag, og korleis timane skal delast mellom trinna i den vidaregåande opplæringa.

Departementet kan gi forskrift om kor lang læretida skal vere for dei som har læretid i bedrift.

Kommunen og fylkeskommunen kan gi forskrift om opplæring utover det samla minstetime-talet som departementet har fastsett etter første og fjerde ledd.

Departementet kan gi forskrift om plikt til å delta i aktivitetar i grunnskolen som ikkje er opp-læring i fag.

#### **§ 1-7 Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk**

Departementet kan gi forskrift om nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk.

### **Andre del – grunnskoleopplæring**

#### **Kapittel 2 Rett og plikt til grunnskoleopplæring**

##### **§ 2-1 Rett til grunnskoleopplæring**

Barn har rett til offentleg grunnskoleopplæring frå det året dei fyller seks år, til dei har avslutta det 10. trinnet.

Retten til grunnskoleopplæring gjeld dersom barnet truleg skal vere i Noreg i meir enn tre månader i samanheng. Retten skal oppfyllast så raskt som mogleg og seinast innan éin månad etter at barnet er komme til Noreg. Barn som kjem til Noreg, skal plasserast på det trinnet som passar med alderen. Kommunen kan gjere unntak der ei konkret vurdering viser at barnet bør plasserast på eit lågare trinn.

##### **§ 2-2 Plikt til grunnskoleopplæring**

Barn har plikt til grunnskoleopplæring frå det året dei fyller seks år, til dei har avslutta det 10. trinnet. Grunnskoleopplæringa skal gjennomførast på ein offentleg skole, ein privat grunnskole som er godkjend etter § 22-1 eller etter privatskolelova, eller gjennom privat grunnskoleopplæring i heimen, jf. § 22-5.

Barn har plikt til grunnskoleopplæring når dei har vore i Noreg i tre månader. Pliktia fell bort når barnet oppheld seg utanlands i tre månader.

Kommunen kan frita ein elev heilt eller delvis frå opplæringsplikta dersom omsynet til eleven tilseier det, foreldra samtykkjer og det ligg føre ei sakkunnig vurdering. Elevar som har fått fritak frå opplæringsplikta, mister ikkje retten til opplæringa dei har fått fritak frå.

Kommunen kan gi ein elev permisjon frå skolen dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg. Kommunen gir forskrift om permisjon frå skolen.

Ein elev som høyrer til eit anna trussamfunn enn Den norske kyrkja, har rett til permisjon frå skolen dei dagane trussamfunnet har helgedag, dersom foreldra sørgjer for den opplæringa som må til for at eleven skal kunne følgje med i opplæringa på skolen etter fråværet.

##### **§ 2-3 Innhold, vurdering og dokumentasjon i grunnskoleopplæringa**

Opplæringa i grunnskolen skal vere i samsvar med måla og prinsippa for opplæringa, jf. §§ 1-4 første og andre ledd og 1-5 andre og tredje ledd, og fag- og timefordelinga, jf. § 1-6 første og andre ledd.

Elevane har rett til individuell vurdering og dokumentasjon av opplæringa. Elevane på 1. til 7. trinn skal ha individuell vurdering utan karakterar. Departementet gir forskrift om individuell vurdering, om klage på vurdering og om dokumentasjon. Departementet kan gi forskrift om at mangel på vurderingsgrunnlag kan føre til tap av rett til individuell vurdering med karakter i faget.

##### **§ 2-4 Utsett og tidleg skolestart**

Kommunen skal la eit barn byrje på skolen det året barnet fyller sju år, dersom foreldra søker om det eller samtykkjer og det etter ei sakkunnig vurdering er tvil om at barnet er komme langt nok i utviklinga si til at det bør byrje på skolen det året barnet fyller seks år.

Kommunen kan la eit barn byrje på skolen det året barnet fyller fem år, dersom foreldra søker om det eller samtykkjer og ei sakkunnig vurdering viser at det forsvarleg.

##### **§ 2-5 Gratis grunnskoleopplæring**

Grunnskoleopplæring skal vere gratis. Kommunen skal ikkje krevje at elevane eller foreldra dekkjer utgifter knytte til grunnskoleopplæringa, til dømes utgifter til undervisningsmateriell, transport i skoletida, leirskoleoppdrag eller andre skoleturar.

##### **§ 2-6 Kva grunnskole eleven skal gå på**

Elevane har rett til å gå på ein skole i nærmiljøet. Kommunen kan gi forskrift om skolekrinsar. Ved tildeling av skoleplass og fastsetjing av forskrift om skolekrinsar skal kommunen leggje særlig vekt på kva skole som ligg nærest heimen. Kommunen kan også ta omsyn til topografi, tra-

fikktihøve og kapasiteten på skolane, og at barn i same nabolag skal få gå på same skole.

Etter søknad kan eleven takast inn på ein annan skole enn den eleven har rett til å gå på.

### **§ 2-7 Straffansvar for brot på opplæringsplikta**

Foreldre og andre som har dagleg omsorg for eit barn, kan straffast med bot dersom dei forsettleg eller aktlaust handlar slik at barnet er borte frå den pliktige grunnskoleopplæringa utan å ha rett til det.

## **Kapittel 3 Val av skriftspråk og særskilde språkrettar i grunnskoleopplæringa**

### **§ 3-1 Bokmål og nynorsk for elevane i grunnskolen**

Elevane skal ha opplæring i bokmål og nynorsk. Departementet kan gi forskrift om fritak frå opplæring i eitt av skriftspråka for eleva som får opplæring etter §§ 3-2, 3-3, 3-4 eller 3-6.

Elevar på 1. til 7. trinn skal i det skriftelege arbeidet bruke det skriftspråket som kommunen har vedtatt som hovudmål for skolen. Foreldra til elevane vel om lærerimbla skal vere på bokmål eller nynorsk. Elevar på 8. til 10. trinn vel sjølv om dei skal bruke bokmål eller nynorsk som hovudmål, og om lærerimbla skal vere på bokmål eller nynorsk.

Når minst ti elevar på eitt av trinna 1 til 10 i ein kommune ønsker eit anna skriftspråk som hovudmål enn det som er vedtatt for skolen, har dei rett til å bruke og å få opplæring på dette skriftspråket i ei særskild gruppe. Går ti eller fleire av desse elevane på den same skolen, har dei rett til å få opplæringa der. Er elevane spreidde på fleire skolar i kommunen, avgjer kommunen kva skole dei skal få opplæringa på. Retten til å få opplæring i ei særskild gruppe står ved lag så lenge det er minst seks elevar att i gruppa.

Dersom skolestrukturen i kommunen gjer at elevar må overførast til ein skole med eit anna hovudmål enn elevane hadde på 1. til 4. trinn, har dei rett til å bruke og å få opplæring på det hovudmålet dei hadde. Dei har rett til opplæring i faget norsk i ei særskild gruppe, same kor mange dei er.

### **§ 3-2 Opplæring i og på samisk i grunnskolen**

Samiske elevar har rett til opplæring i anten nordsamisk, sorsamisk eller lulesamisk.

Alle elevar som bur i forvaltningsområdet for samisk språk etter sameloven § 3-1, har rett til opplæring i og på samisk. Kommunar i forvaltningsområdet for samisk språk kan gi forskrift om at elevane skal ha grunnleggjande opplæring i samisk språk og samisk kultur.

Dersom minst ti elevar i ein kommune utanfor forvaltningsområdet for samisk språk krev opplæring i og på samisk, har dei rett til det. Retten står ved lag så lenge det er minst seks elevar att som vil ha slik opplæring.

Foreldra til elevane vel om dei skal ha opplæring i samisk og om dei skal ha opplæring i og på samisk. Elevar på 8. til 10. trinn vel sjølv om dei skal ha slik opplæring.

Opplæringa på samisk kan leggjast til ein eller fleire skolar i kommunen.

Kommunen skal tilby ein del av opplæringa i samisk i eit samiskspråkleg miljø dersom det er nødvendig for at opplæringa skal vere pedagogisk forsvarleg.

### **§ 3-3 Opplæring i kvensk eller finsk i grunnskolen**

Elevar med kvensk/norskfinnisk bakgrunn som går på grunnskolar i Troms og Finnmark, har rett til opplæring i kvensk eller finsk. Foreldra til elevane vel om dei skal ha opplæring i kvensk eller finsk. Elevar på 8. til 10. trinn vel sjølv om dei skal ha slik opplæring.

### **§ 3-4 Opplæring i og på norsk teiknspråk i grunnskolen**

Elevar med høyrselshemming har rett til opplæring i og på norsk teiknspråk. Foreldra til elevane vel om dei skal ha opplæring i og på norsk teiknspråk. Elevar på 8. til 10. trinn vel sjølv om dei skal ha slik opplæring.

Dersom skolen ikkje har lærarar som kan gi opplæring i norsk teiknspråk, kan opplæringa givast på ein annan skole. Kommunen kan fastsetje kva skole opplæringa på norsk teiknspråk skal givast på.

Kommunen skal tilby ein del av opplæringa i eit teiknspråkleg miljø dersom det er nødvendig for at opplæringa i teiknspråk skal vere pedagogisk forsvarleg.

### **§ 3-5 Opplæring i punktskrift i grunnskolen**

Elevar som er blinde eller sterkt svaksynte, har rett til nødvendig opplæring i punktskrift.

### **§ 3-6 Særskild språkopplæring i grunnskolen**

Elevar med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild språkopplæring til dei kan norsk godt nok til å følgje den vanlege opplæringa. Særskild språkopplæring skal omfatte forsterka opplæring i norsk og, om det trengst, morsmålsopplæring, tospråkleg opplæring i fag eller begge delar.

Kommunen skal jamleg vurdere om ein elev som har vedtak om særskild språkopplæring kan

norsk godt nok til å følge den vanlege opplæringa.

Kommunen kan gjere vedtak om at eleven skal få opplæringa i morsmål på ein annan skole enn den eleven går på.

### **§ 3-7 Innføringsopplæring for elevar i grunnskolen som har budd kort tid i Noreg**

Kommunen kan gi elevar som har budd kort tid i Noreg og har fått vedtak om særskild språkopplæring, heile eller delar av opplæringa i særskilde grupper eller klassar eller på særskilde skolar. Kommunen kan berre gi slik innføringsopplæring dersom eleven eller foreldra samtykkjer.

Kommunen kan gjere vedtak om innføringsopplæring for ein elev for opp til eitt år om gongen, i til saman opp til to år. I vedtaket kan det gje rast unntak frå læreplanar i fag, jf. § 1-4 andre ledd, og fag- og timefordelinga, jf. § 1-6 første og andre ledd.

## **Kapittel 4 Skyss, leksehjelp, skolefritidsordninga, skoletur og overgang frå barnehage til skole**

### **§ 4-1 Rett til skyss til og frå skolen for elevar i grunnskolen**

Elevar på 1. trinn har rett til gratis skyss dersom dei bur meir enn to kilometer frå skolen. Elevar på 2. til 10. trinn har rett til gratis skyss dersom dei bur meir enn fire kilometer frå skolen.

Elevar har rett til gratis skyss dersom ein del av vegen er særleg farleg eller vanskeleg.

Elevar som treng båttransport, har rett til slik transport gratis.

Elevar som treng skyss på grunn av nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom, har rett til gratis skyss til og frå skolen og skolefritidsordninga. Retten til skyss til og frå skolefritidsordninga gjeld ikkje i skoleferiane.

Elevar som har fleire heimar, har rett til skyss til og frå kvar heim som oppfyller vilkåra for rett til skyss.

### **§ 4-2 Reisefølgje for og tilsyn med elevar i grunnskolen**

Elevar som får skyss til og frå skolen eller skolefritidsordninga, har rett til reisefølgje og tilsyn i ventetida før og etter opplæringa eller skolefritidsordninga dersom dei treng det.

### **§ 4-3 Krav om forsvarleg skyss og rett til losji der skyss ikkje er forsvarleg**

Elevar har berre rett til skyss etter § 4-1 dersom dagleg skyss er forsvarleg.

Når fylkeskommunen skal vurdere om dagleg skyss er forsvarleg, skal det særleg leggjast vekt på alderen og funksjonsevna til eleven og kor lang og farleg skolevegen er. Det kan berre leggjast vekt på kostnader eller vanskår for fylkeskommunen dersom dei er ekstraordinære.

Er fylkeskommunen i tvil om dagleg skyss er forsvarleg, avgjer foreldra om eleven likevel skal skyssast.

Elevar som ikkje har rett til skyss fordi dagleg skyss ikkje er forsvarleg, har rett til losji. Elevane har også plikt til å la seg innlosjere om ikkje foreldra sorgjer for skyss og dekkjer kostnadene.

Kommunen skal sørge for losji og ha tilsyn med innlosjerte elevar.

### **§ 4-4 Leksehjelp**

Kommunen skal ha tilbod om gratis leksehjelp til elevar i grunnskolen. Departementet kan gi forskrift om leksehjelptilboden.

### **§ 4-5 Skolefritidsordning**

Kommunen skal ha tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid for elevar på 1. til 4. trinn og for elevar med særlege behov på 1. til 7. trinn. Kommunen kan krevje at foreldra dekkjer kostnadene til skolefritidsordninga.

Kommunen skal leggje til rette for leik og kultur- og fritidsaktivitetar i skolefritidsordninga. Aktivitetane skal vere tilpassa alderen, funksjonsevna og interessene til barna. I skolefritidsordninga skal barna få omsorg og bli passa godt på, og barn med nedsett funksjonsevne skal få gode utviklingsvilkår.

Når skolefritidsordninga er knytt til skolar, skal rektor vere leiar. Kommunen kan gjere unntak frå kravet.

Kommunen kan nytte private til å drive skolefritidsordninga.

Kommunen gir forskrift om skolefritidsordninga. Forskrifta skal ha reglar om

- a. eigarforhold
- b. kven som er opptaksmyndigheit
- c. opptaksriterium
- d. opptaksperiode og oppseiing
- e. foreldrebetaling
- f. leike- og opphaldsareal
- g. dagleg oppholdstid og årleg opningstid
- h. personale og leiing.

Departementet kan gi forskrift om gratis skolefritidsordning, moderasjonsordningar og om innhald og oppgåver for skolefritidsordninga.

**§ 4-6 Skoletur med overnatting**

Kommunen skal som ein del av grunnskoleopplæringa tilby elevane leirskoleopphold eller annan skoletur med minst tre overnattingar i samanheng.

**§ 4-7 Overgangen fra barnehagen til skolen**

Kommunen skal sørge for at barna får ein trygg og god overgang frå barnehagen til skolen og skolefritidsordninga.

**Tredje del – vidaregåande opplæring****Kapittel 5 Rett til vidaregåande opplæring****§ 5-1 Rett til vidaregåande opplæring**

Dei som har fullført grunnskolen eller tilsvarande opplæring, har rett til vidaregåande opplæring etter dette kapittelet. Det gjeld også dei som har fullført vidaregåande opplæring i eit anna land, men ikkje får godkjent opplæringa som studiekompetanse eller yrkeskompetanse i Noreg. Retten gjeld berre for dei som truleg skal vere i Noreg i meir enn tre månader i samanheng.

Retten til vidaregåande opplæring etter dette kapittelet varer fram til ein har oppnådd studiekompetanse eller yrkeskompetanse, men ikkje lenger enn ut det skoleåret som tar til det året ein fyller 24 år. Dei som då ikkje har oppnådd studiekompetanse eller yrkeskompetanse, har rett til vidaregåande opplæring for vaksne etter § 18-3.

Dei som har rett til vidaregåande opplæring etter første ledd, kan velje vidaregåande opplæring for vaksne etter § 18-3 frå det skoleåret som tar til det året dei fyller 19 år.

Dei som har rett til vidaregåande opplæring etter første ledd første punktum, kan fram til det året dei fyller 19 år etter søknad i staden få vidaregåande opplæring etter § 18-3 dersom det er særlege grunnar for det. Dei som har rett til vidaregåande opplæring etter første ledd andre punktum, har etter søknad rett til å få vidaregåande opplæring etter § 18-3.

Retten til vidaregåande opplæring gjeld ikkje opplæring i fag som allereie er bestått, med mindre anna går fram av forskrift gitt etter siste ledd.

Dei som har rett til vidaregåande opplæring, skal komme inn på eitt av tre utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 som dei har søkt på. Dei skal deretter komme inn på vidaregåande trinn 2 og vidaregåande trinn 3, dersom dei oppfyller vilkåra for inntak. Både trinn 2 og trinn 3 skal byggje på det førre trinnet.

Departementet kan gi forskrift om kven som har rett til vidaregåande opplæring, og om inntaket til vidaregåande opplæring.

**§ 5-2 Studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram**

Den vidaregåande opplæringa omfattar studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram.

Studieførebuande utdanningsprogram omfattar tre års opplæring som elev.

Yrkesfaglege utdanningsprogram omfattar til vanleg to år med opplæring som elev, og to år med læretid i bedrift.

**§ 5-3 Planlegginga og utbygginga av det vidaregåande opplæringstilbodet**

Fylkeskommunen skal i planlegginga og utbygginga av det vidaregåande opplæringstilbodet leggje stor vekt på kva kompetanse samfunnet treng.

Fylkeskommunen skal gi tilbod om praksisbrev.

Departementet kan krevje at fylkeskommunen skal ha eit vidaregåande opplæringstilbod som er ope for søkerar frå heile landet.

**§ 5-4 Innhold, vurdering og dokumentasjon i den vidaregående opplæringa**

Den vidaregåande opplæringa skal vere i samsvar med måla og prinsippa for opplæringa, jf. §§ 1-4 første og andre ledd og 1-5 andre og tredje ledd, tilbodsstrukturen, jf. § 1-6 tredje ledd, og fag- og timefordelinga, jf. § 1-6 fjerde og femte ledd.

Elevane, privatistane, praksiskandidatane og dei som har læretid i bedrift, har rett til individuell vurdering og dokumentasjon av opplæringa. Departementet gir forskrift om individuell vurdering, om klage på vurdering og om dokumentasjon. Departementet kan gi forskrift om at mangel på vurderingsgrunnlag eller høgt fråvær kan føre til tap av rett til individuell vurdering med karakter i faget.

Departementet kan gi forskrift om godskriving og godkjenning av tidlegare gjennomgått opplæring eller praksis.

**§ 5-5 Rett til omval**

Elevar og dei som har læretid i bedrift har rett til så mange omval dei ønskjer, innan søknadsfristen for inntak det kalenderåret dei fyller 19 år. Dei som ikkje har nytta retten til omval før denne fristen, har rett til eitt omval seinare.

### § 5-6 *Rett til læreplass eller anna tilbod på vidaregåande trinn 3*

Søkjurar som oppfyller vilkåra for å bli formidla til lærerid i bedrift, har rett til læreplass. Dersom fylkeskommunen ikkje kan gi søkeren tilbod om læreplass, har søkeren rett til eit anna opplæringstilbod på vidaregåande trinn 3 bygd på det programområdet han eller ho har gjennomført på vidaregåande trinn 2. Departementet kan gi forskrift om opplæringstilboden til dei som ikkje får læreplass.

### § 5-7 *Påbygging til generell studiekompetanse*

Dei som har bestått fag- og yrkesopplæring, har rett til påbygging til generell studiekompetanse. Retten til påbygging varer ut det skoleåret som tar til det året ein fyller 24 år. Dei som då ikkje har oppnådd studiekompetanse, har rett til påbygging etter reglane for vaksne etter § 18-7.

Elevane kan velje å få påbygging til generell studiekompetanse etter reglane for vaksne etter § 18-7 frå det skoleåret som tar til det året dei fyller 19 år.

### § 5-8 *Gratis vidaregående opplæring*

Den vidaregåande opplæringa skal vere gratis. Fylkeskommunen kan likevel krevje at elevar og dei som har lærerid i bedrift, dekkjer utgifter til individuelt utstyr som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha.

Departementet kan gi forskrift om at elevar skal halde seg med lærermiddel og digitalt utstyr.

### § 5-9 *Rett til vidaregående opplæring for dei som ikkje har opphaldsløyve*

Det er eit vilkår for rett til vidaregåande opplæring at ein har lovleg opphold i landet. Dei som oppheld seg lovleg i landet medan dei ventar på svar på søknad om opphaldsløyve, har rett til vidaregåande opplæring ut det skoleåret som tar til det året dei fyller 18 år. Dei som får avslag på søknaden om opphaldsløyve, har berre rett til vidaregåande opplæring fram til datoен for det endelige vedtaket.

## Kapittel 6 Val av skriftspråk og særskilde språkrettar i den vidaregåande opplæringa

### § 6-1 *Bokmål og nynorsk for elevane i den vidaregåande opplæringa*

Elevane skal ha opplæring i bokmål og nynorsk. Departementet kan gi forskrift om fritak frå opplæring i eitt av skriftspråka for elevar som får opplæring etter §§ 6-2, 6-3 eller 6-5.

Elevane vel sjølv om dei skal bruke bokmål eller nynorsk som hovudmål i det skriftlege arbeidet, og om lærermidla skal vere på bokmål eller nynorsk.

### § 6-2 *Opplæring i samisk i den vidaregåande opplæringa*

Samiske elevar har rett til opplæring i anten nordsamisk, sør-samisk eller lulesamisk.

Alle elevar som har hatt opplæring i eller på samisk i grunnskolen, har rett til opplæring i samisk i den vidaregåande opplæringa.

Kommunen skal tilby ein del av opplæringa i eit samiskspråkleg miljø dersom det er nødvendig for at opplæringa i samisk skal vere pedagogisk forsvarleg.

### § 6-3 *Opplæring i og på norsk teiknspråk i den vidaregåande opplæringa*

Elevar med høyrselshemming har rett til å få opplæring ved hjelp av teiknspråktolk eller til å gå på vidaregåande skolar som har opplæring i og på norsk teiknspråk. Elevane som går på ordinære vidaregåande skolar, og som nyttar tolk, kan i tillegg velje å få opplæring i norsk teiknspråk.

Retten til å gå på vidaregåande skolar som har opplæring i og på norsk teiknspråk gjeld berre innanfor dei utdanningsprogramma og programområda som skolane har tilbod om. Delar av denne opplæringa kan givast ved hjelp av teiknspråktolk.

### § 6-4 *Opplæring i punktskrift i den vidaregåande opplæringa*

Elevar som er blinde eller sterkt svaksynte, har rett til nødvendig opplæring i punktskrift.

### § 6-5 *Særskild språkopplæring i den vidaregåande opplæringa*

Elevar med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild språkopplæring til dei kan norsk godt nok til å følgje den vanlege opplæringa. Særskild språkopplæring skal omfatte forsterka opplæring i norsk og, om det trengst, morsmålsopplæring, tospråkleg opplæring i fag eller begge delar.

Fylkeskommunen skal jamleg vurdere om ein elev som har vedtak om særskild språkopplæring kan norsk godt nok til å følgje den vanlege opplæringa.

Fylkeskommunen kan gjere vedtak om at eleven skal få opplæringa i morsmål på ein annan skole enn den eleven går på.

## § 6-6 Innføringsopplæring for elevar i den vidaregåande opplæringa som har budd kort tid i Noreg

Fylkeskommunen kan gi elevar som har budd kort tid i Noreg og har fått vedtak om særskild språkopplæring, heile eller delar av opplæringa i særskilde grupper eller klassar eller på særskilde skolar. Fylkeskommunen kan berre gi slik innføringsopplæring dersom eleven samtykkjer.

Fylkeskommunen kan gjere vedtak om innføringsopplæring for ein elev for opp til eitt år om gongen, i til saman opp til to år. I vedtaket kan det gjerast unntak frå læreplanar i fag, jf. § 1-4 andre ledd, og fag- og timefordelinga, jf. § 1-6 fjerde ledd.

## Kapittel 7 Opplæring i bedrift

### § 7-1 Verkeområdet for kapittelet, og kven som er lærting, praksisbrevkandidat, lærekandidat og kandidat for fagbrev på jobb

Dette kapittelet gjeld for den vidaregåande opplæringa som blir gitt som lærerid i bedrift.

Der lova viser til nokon som har eller skal ha lærerid i bedrift, gjeld regelen for både lærlingar, praksisbrevkandidatar, lærekandidatar og kandidatar for fagbrev på jobb.

Reglane for elevar gjeld for lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar dersom fylkeskommunen har ansvaret for opplæringa.

Lærting er den som har skrive ein lærekontrakt med sikte på fagprøve eller sveineprøve i fag som har lærerid etter forskrifter gitt med heimel i § 5-4. Praksisbrevkandidat er den som har skrive ein opplæringskontrakt med sikte på praksisbrevprøve. Lærekandidat er den som har skrive ein opplæringskontrakt med sikte på ei mindre omfattande prøve enn fag- eller sveineprøve. Kandidat for fagbrev på jobb er den som har skrive ein kontrakt om opplæring på grunnlag av allsidig praksis og realkompetanse med sikte på fag- eller sveineprøve.

Departementet kan gi forskrift om dei ulike opplæringsordningane for den vidaregåande opplæringa i bedrift.

### § 7-2 Inngåing og endring av kontrakt om opplæring

Dei som skal ha lærerid i bedrift, skal skrive kontrakt om opplæring med ei lærebedrift før opplæringa tek til. Det skal stå i kontrakten kva som er målet for opplæringa, og kven som har ansvaret for dei ulike delane av opplæringa. Kontrakten skal vise til den eller dei arbeidsavtalane som er inngått.

Kontrakten skal godkjennast av fylkeskommunen og kan berre endrast etter samtykkje frå fylkeskommunen.

Kontrakten gjeld frå den tida opplæringa tek til, sjølv om godkjenninga kjem seinare.

Fylkeskommunen kan godkjenne kontraktar om opplæring som fråvik det fastsette opplæringsløpet.

Departementet kan gi forskrift om kva form og innhald kontrakten skal ha, om endring av kontrakten, og om fylkeskommunens adgang til å godkjenne kontrakter som fråvik det fastsette opplæringsløpet.

### § 7-3 Heving og oppsæting av kontrakt om opplæring

Ein kontrakt om opplæring kan seiast opp der som partane er samde om det. Lærebedrifta skal orientere fylkeskommunen skriftleg før kontrakten blir oppsagt.

Fylkeskommunen skal gjere vedtak om å heve kontrakten om opplæring dersom den som har lærerid, seier skriftleg frå at han eller ho ikkje ønskjer å halde fram ut kontraktida. Fylkeskommunen kan også gjere vedtak om å heve kontrakten om opplæring dersom ein av partane gjer seg skyldig i vesentlege brot på pliktene sine i arbeidsforholdet eller ein av partane ikkje er i stand til å oppfylle kontrakten.

Før det blir gjort vedtak om å heve ein kontrakt om lærerid etter krav frå lærebedrifta, skal den som har lærerid i bedrift, få høve til å forklare seg munnleg for fylkeskommunen.

Dersom ein kontrakt om opplæring blir oppsagt eller heva, skal lærebedrifta skrive ut ein attest om opplæringa som er gjennomført.

### § 7-4 Kva rettar og plikter dei med lærerid i bedrift har som arbeidstakrar. Tilhovet til arbeidsmiljøloven

Dei som har lærerid i bedrift, er arbeidstakrar i lærebedrifta, med dei rettane og pliktene som følger av lover og tariffavtalar.

Dei som skal ha lærerid i bedrift, skal ha arbeidsavtale med lærebedrifta i tillegg til kontrakt om opplæring etter § 7-2. Lærebedrifta kan berre seie opp denne arbeidsavtalen dersom kontrakten om opplæring blir oppsagt eller heva etter § 7-3.

Dei første seks månadene av arbeidsforholdet kan arbeidsavtalen likevel seiast opp etter reglane i arbeidsmiljøloven §§ 15-3 og 15-6 dersom det er inngått kontrakt om full opplæring i bedrift. Kontrakten om opplæring fell bort dersom arbeidsavtalen blir oppsagt.

Arbeidsavtalen fell bort når lærerida er over, eller dersom kontrakten om opplæring blir oppsagt eller heva.

Andre ledd andre punktum, tredje ledd og fjerde ledd gjeld ikkje arbeidsavtalar som partane har inngått uavhengig av kontrakten om opplæring.

Lærekandidatar har rett til individuell tilrettelegging etter §§ 11-4 til 11-6. For denne tilrettelegginga gjeld §§ 11-7 til 11-11 og § 11-13.

#### **§ 7-5 Godkjenning av lærebedrifter**

Fylkeskommunen skal godkjenne lærebedrifter som oppfyller krava i § 7-6.

Før fylkeskommunen kan godkjenne ei lærebedrift, må ho vere fagleg vurdert av yrkesopplæringsnemnda. Fylkeskommunen skal legge avgjande vekt på den faglege vurderinga frå yrkesopplæringsnemnda.

Departementet kan gi forskrift om godkjenning av lærebedrifter, og om samarbeidsorgan for lærebedrifter (opplæringskontor).

#### **§ 7-6 Krav til lærebedrifter**

Lærebedrifta skal gi opplæring i samsvar med læreplanar i lærerfaget. Lærebedrifta kan gi all opplæringa sjølv, eller ho kan oppfylle kravet ved avtale om at delar av opplæringa skal skje i ei anna lærebedrift. Ansvaret for opplæringa ligg hos den lærebedrifta som kontrakten om opplæring er inngått med.

Ei lærebedrift skal ha ein eller fleire fagleg kvalifiserte personar som har ansvaret for opplæringa, og ein eller fleire instruktørar som gir opplæring.

Departementet kan gi forskrift om deling av ansvaret mellom samarbeidande lærebedrifter.

#### **§ 7-7 Rekruttering av lærebedrifter og formidling til lærepllass**

Fylkeskommunen skal rekrutttere lærebedrifter med sikte på å gi tilbod om lærepllass til alle søkerar som oppfyller vilkåra for å bli formidla til lærepllass.

Fylkeskommunen skal formidle søkerar som oppfyller vilkåra til lærebedrifter.

Departementet kan gi forskrift om formidling til lærepllass.

#### **§ 7-8 Tilskot til lærebedrifter**

Fylkeskommunen skal gi godkjende lærebedrifter tilskot til opplæring.

Departementet kan gi forskrift om tilskot til lærebedrifter.

#### **§ 7-9 Oppfølging av lærebedrifter og tap av godkjenning**

Fylkeskommunen skal rettleie lærebedriftene og kontrollere at dei oppfyller krava i denne lova.

Etter ei fagleg vurdering i yrkesopplæringsnemnda kan fylkeskommunen trekke tilbake godkjenninga som lærebedrift dersom lærebedrifta ikkje lenger oppfyller krava. Fylkeskommunen skal legge avgjande vekt på den faglege vurderinga frå yrkesopplæringsnemnda.

Godkjenninga som lærebedrift fell bort to år etter at den siste kontrakten om opplæring er avslutta.

Departementet kan gi forskrift om tap av godkjenning.

#### **§ 7-10 Lærebedriftene sitt ansvar for opplæringa**

Lærebedriftene skal lage ein plan som sikrar at opplæringa er i samsvar med kontraktane til dei som har læretid i bedrifta, og dei skal legge produksjonen til rette for denne opplæringa.

Lærebedriftene skal skape eit godt arbeids- og læringsmiljø. Den samla arbeids- og opplærings-tida til dei som har læretid, skal ikkje vere lengre enn arbeidstida til andre arbeidstakarar.

Lærebedrifter som ikkje lenger kan gi opplæring i samsvar med kontrakten, skal melde frå til fylkeskommunen.

#### **§ 7-11 Krav til internkontroll i lærebedrifter**

Lærebedriftene skal ha internkontroll for å sikre at opplæringa er i samsvar med denne lova. Internkontrollen skal gjennomførast i samarbeid med representantar for arbeidstakarane.

Lærebedriftene skal årleg rapportere til fylkeskommunen om opplæringa dei gir. Departementet kan gi forskrift om rapporteringsplikta.

### **Kapittel 8 Organ knytte til fag- og yrkesopplæringa**

#### **§ 8-1 Rådgivande organ for fag- og yrkesopplæringa**

Departementet skal nemne opp eit organ for samarbeid om fag- og yrkesopplæringa som skal gi departementet råd om, og ta initiativ til å fremje, fag- og yrkesopplæringa.

Departementet skal nemne opp faglege råd for fag- og yrkesopplæringa. Kvart fag eller fagområde i fag- og yrkesopplæringa skal vere knytt til eit fagleg råd.

Departementet skal nemne opp læreplanggrupper som skal hjelpe til i arbeidet med å fastsetje innhaldet i fag- og yrkesopplæringa.

Departementet kan gi forskrift om samansetjinga av og oppgåvene til organa som er nemnde i denne paragrafen.

### **§ 8-2 Yrkesopplæringnemnder**

Fylkeskommunen skal nemne opp ei yrkesopplæringsnemnd. Fylkeskommunen skal førebu dei sakene nemnda skal behandle.

Saker som har innverknad på fag- og yrkesopplæringa, skal leggjast fram for yrkesopplæringsnemnda før fylkeskommunen gjer vedtak i dei. Fylkeskommunen skal leggje avgjerande vekt på den faglege vurderinga frå yrkesopplæringsnemnda.

Departementet kan gi forskrift om kva samansetjing og oppgåver nemnda skal ha.

### **§ 8-3 Klagenemnd for fag- og sveineprøver**

Departementet nemner opp klagenemnder for klager over vedtak om ikkje bestått fag- eller sveineprøve. Kvar nemnd skal nemnast opp for fire år, med leiar, nestleiar og éin medlem til. Minst to av medlemmene skal ha fagutdanning, og alle skal ha personlege vararepresentantar.

Det faglege rådet for faget skal gi ei innstilling om samansetjinga av kvar nemnd.

## **Kapittel 9 Skyss, bustad, oppfølgingsteneste og overgang frå grunnskolen til vidaregående opplæring**

### **§ 9-1 Rett til skyss til og frå skolen for elevar i den vidaregåande opplæringa**

Elevar har rett til gratis skyss eller full skyssgodtgjersle dersom dei bur meir enn seks kilometer frå skolen.

Elevar som treng båttransport, har rett til slik transport gratis.

Elevar som treng skyss på grunn av nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom, har rett til gratis skyss til og frå skolen.

Elevar som har fleire heimar, har rett til skyss til og frå kvar heim som oppfyller vilkåra for rett til skyss.

Departementet kan gi forskrift om at retten til skyss kan oppfyllast gjennom rabattordningar for offentleg transport i område med eit godt utbygd kollektivtilbod.

### **§ 9-2 Reisefølgje for og tilsyn med elevar i den vidaregåande opplæringa**

Elevar som får skyss, har rett til reisefølgje dersom dei treng det.

Elevar som får skyss, har rett til tilsyn i venteida før og etter opplæringa dersom dei på grunn av nedsett funksjonsevne ikkje klarer seg åleine.

### **§ 9-3 Hjelp med å skaffe bustad til elevar i den vidaregåande opplæringa**

Når ein elev ikkje kan nytte dagleg skyss til skolen, skal fylkeskommunen hjelpe til med å skaffe eleven ein stad å bu. Er det ikkje mogleg å skaffe eleven bustad på annan måte, skal fylkeskommunen sørge for at det blir bygd ein elevheim.

### **§ 9-4 Oppfølgingsteneste for dei som ikkje er i vidaregåande opplæring eller arbeid**

Fylkeskommunen skal ha ei oppfølgingsteneste. Oppfølgingstenesta skal sørge for at dei som har rett til opplæring etter § 5-1 og ikkje er i opplæring eller arbeid, får tilbod om vidaregåande opplæring, andre kompetansefremjande tiltak eller arbeid. Ein er omfatta av tenesta fram til utgangen av det året ein fyller 24 år.

Oppfølgingstenesta skal sikre tverretatleg samarbeid mellom kommunale, fylkeskommunale og statlege instansar som har ansvar for målgruppa. Oppfølgingstenesta skal formidle og samordne dei ulike tilboda.

Departementet kan gi forskrift om oppgåvene til oppfølgingstenesta.

### **§ 9-5 Overgangen frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa**

Fylkeskommunen skal sørge for at elevane får ein trygg og god overgang frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa. Kommunen skal samarbeide med fylkeskommunen om overgangen.

Dersom eleven skal starte i ein vidaregåande skole som er godkjend etter privatskolelova, gjeld kommunens plikt i første ledd tilsvarande overfor den private vidaregåande skolen.

### **§ 9-6 Opplæringstilbod i overgangen frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa**

Fylkeskommunen skal ha eit opplæringstilbod for dei som har rett til vidaregåande opplæring etter § 5-1, men som manglar faglege eller språklege føresetnader for å delta i eller gjennomføre slik opplæring.

### **§ 9-7 Tilbod om meir grunnskoleopplæring**

Kommunen og fylkeskommunen kan tilby førebuande opplæring etter § 18-2 til dei som har rett til vidaregåande opplæring etter § 5-1, men som treng meir grunnskoleopplæring for å kunne fullføre den vidaregåande opplæringa. Opplæringa kan gi høve til å forbetra grunnskolevitne målet.

## Fjerde del – fellesreglar for grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa for barn og unge

### Kapittel 10 Det beste for eleven, medverknad, skoledemokrati, foreldresamarbeid, skoleregler og plikt til å delta

#### § 10-1 *Det beste for eleven*

Ved handlingar og avgjørder som vedkjem elevar, skal kva som er best for eleven, vere eit grunnleggjande omsyn.

#### § 10-2 *Elevane sin rett til medverknad*

Elevane har rett til medverknad i alt som gjeld dei sjølv etter denne lova, og har rett til å ytre meiningsane sine fritt. Elevane skal bli høyrde, og det skal leggjast vekt på meiningsane deira etter alder og modning.

#### § 10-3 *Samarbeid med foreldra*

Skolen skal samarbeide med foreldra om opplæringa til eleven.

Departementet kan gi forskrift om samarbeidet mellom skolen og foreldra.

#### § 10-4 *Skoledemokratiet*

Skolen skal sørge for at elevane og foreldra får vere med på å planlegge, gjennomføre og vurdere verksemda til skolen, mellom anna arbeidet med skolemiljøet, kvalitetsutvikling i opplæringa og fastsetjinga av skoleregler. Elevane skal ikkje delta i behandlinga av saker som er omfatta av lovfesta teieplikt.

Skolen skal leggje til rette for at alle elevane skal kunne ytre seg, og oppmuntre dei til å delta i skoledemokratiet. Skolen skal også hjelpe elevane i arbeidet med skoledemokratiet.

#### § 10-5 *Organiseringa av skoledemokratiet*

Kvar grunnskole og vidaregåande skole skal ha eit elevråd som er valt av elevane ved skolen. Elevane kan velje å organisere seg på ein annan måte. Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at det blir fastsett kva for andre brukarorgan skolane skal ha.

Elevane og foreldra skal vere representerte i organ ved grunnskolar, og elevane skal vere representerte i organ ved vidaregåande skolar. Representantar for elevane i den vidaregåande opplæringa har møte- og talerett i fylkeskommunale nemnder på same måten som dei tilsette har etter kommuneloven § 13-4.

#### § 10-6 *Elevane si plikt til å delta og kommunen og fylkeskommunen sin oppfølgningsplikt*

Elevane skal vere aktivt med i opplæringa og følgje skolereglane. Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at elevar med fråvær fra opplæringa blir følgde opp.

Elevane kan bli pålagde å gjere oppgåver utanom skoletida (leksjer). Det må takast omsyn til at elevar har rett til kvile og fritid.

#### § 10-7 *Skoleregler*

Kommunen og fylkeskommunen gir forskrift om organisering av skoledemokratiet og om rettar og plikter for elevane, mellom anna om orden og oppførsel (skoleregler).

Kommunen og fylkeskommunen kan i slike skoleregler angi kva tiltak som kan brukast når elevar bryt skolereglane, og korleis slike saker skal behandlast.

#### § 10-8 *Informasjon til elevane og foreldra*

Kommunar og fylkeskommunar skal gi elevar og foreldre den informasjonen dei har bruk for, mellom anna om opplæringa, den enkelte eleven, skolemiljøet og skolereglane, og om dei rettane og pliktene elevane elles har. Kommunar og fylkeskommunar skal også gi elevar og foreldre informasjon om retten til opplæring i og på samisk.

#### § 10-9 *Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG)*

Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG) er eit sjølvstendig rådgivande organ for departementet i saker om samarbeid mellom skole og heim, og skal vareta foreldra sine interesser i skolesamanheng. Mandatet til FUG omfattar grunnskolen og vidaregående opplæring trinn 1.

Departementet nemner opp kvart utval for fire år, med leiar, nestleiar og fem andre medlemmer.

### Kapittel 11 Tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging

#### § 11-1 *Tilpassa opplæring*

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at opplæringa er tilpassa, det vil seie at elevane får eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa uavhengig av føresetnader, og at alle skal få utnytta og utvikla evnene sine. Lærebedrifta skal sørge for tilpassa opplæring for dei som har læretid i bedrift.

#### § 11-2 *Tilfredsstillande utbytte av opplæringa*

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at lærarane følgjer med på utviklinga til elev-

ane og melder frå til rektor dersom det er tvil om at ein elev har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Om det må til, skal skolen setje i verk eigna tiltak, jf. §§ 11-1 og 11-3.

Skolen skal vurdere om tiltaka er nok til å gi eleven eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa, eller om eleven kan trenge individuell tilrettelegging etter reglane i §§ 11-4, 11-5 og 11-6.

### § 11-3 *Intensiv opplæring på 1. til 4. trinn*

På 1. til 4. trinn skal kommunen sørge for at elevar som står i fare for ikkje å ha forventa pøgresjon i lesing, skriving eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring. Dersom det er best for eleven, kan den intensive opplæringa i ein kort periode givast som eineundervisning.

### § 11-4 *Personleg assistanse*

Elevar har rett til den personlege assistansen dei treng for å kunne delta i opplæringa og få tilfredsstillande utbytte av ho.

### § 11-5 *Fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel*

Elevar har rett til dei tekniske hjelpemidla og den fysiske tilrettelegginga dei treng for å kunne delta i opplæringa og få tilfredsstillande utbytte av ho. Elevane har også rett til nødvendig opplæring i bruk av slikt utstyr.

Elevar som er blinde eller sterkt svaksynte, har rett til nødvendig opplæring i mobilitet slik at dei kan komme seg til og frå skolen og ta seg fram på skolen og i heimemiljøet.

### § 11-6 *Individuelt tilrettelagd opplæring*

Elevar har rett til individuelt tilrettelagd opplæring dersom dei treng det for å få tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

I vurderinga av kva for opplæringstilbod som skal givast, skal det særleg leggjast vekt på utviklingsutsiktene til eleven. Opplæringstilboden skal utformast slik at det samla kan gi eleven tilfredsstillande utbytte av opplæringa samanlikna med andre elevar og i tråd med dei opplæringsmåla som er realistiske for eleven.

### § 11-7 *Vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring og krav om sakkunnig vurdering*

Før kommunen eller fylkeskommunen avgjer om ein elev har krav på individuelt tilrettelagd opplæring, skal dei hente inn ei sakkunnig vurdering frå den pedagogisk-psykologiske tenesta. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal ta stilling til om eleven treng individuelt tilrettelagd opplæring. Dersom eleven også treng personleg assistanse eller fysisk tilrettelegging etter §§ 11-4

og 11-5, skal den sakkunnige vurderinga gi ei heil-skapleg vurdering av kva for tilrettelegging eleven treng.

Kommunen og fylkeskommunen kan berre fråvike den sakkunnige vurderinga dersom dei kjem til at eleven kan få tilfredsstillande utbytte av opplæringa på ein annan måte. Ei slik avgjerd skal vere grunngitt i vedtaket. I vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring kan det gjerast unntak frå reglane om innhaldet i og organiseringa av opplæringa.

Eleven eller foreldra må samtykkje før kommunen eller fylkeskommunen gjer ei sakkunnig vurdering, og før dei gjer vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring. Eit tilbod om individuelt tilrettelagd opplæring skal utarbeidast i samråd med eleven og foreldra, og det skal leggjast stor vekt på kva eleven og foreldra meiner.

### § 11-8 *Kva den sakkunnige vurderinga skal innehalde*

I ei sakkunnig vurdering skal den pedagogisk-psykologiske tenesta alltid greie ut om

- a. eleven sitt utbytte av opplæringa
- b. kvifor eleven eventuelt ikkje har, eller ikkje kan få, tilfredsstillande utbytte av opplæringa
- c. kva som er realistiske opplæringsmål for eleven
- d. kva tiltak som kan gi eleven eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa
- e. kva kompetanse dei som skal gi opplæringa, bør ha, dersom det skal gjerast unntak frå kompetansekrava etter § 11-9 andre eller tredje ledd

### § 11-9 *Kompetansekrav for den som skal gi individuelt tilrettelagd opplæring*

Den som skal gi individuelt tilrettelagd opplæring, må oppfylle kompetansekrava for å bli tilsett i lærarstilling, jf. § 17-3, og krava om relevant kompetanse i faget det skal undervisast i, jf. § 17-4.

I vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring kan det gjerast unntak frå kompetansekrava i § 17-3 dersom det vil gi eleven betre opplæring. Slike unntak kan berre gjerast dersom opplæringa skal givast av personar med ei universitets- eller høgskoleutdanning som gjer dei særleg eigna til å vareta behova til eleven. Slikt vedtak inneber også at kompetansekrava i § 17-4 ikkje gjeld.

I vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring kan det gjerast unntak frå kompetansekrava i § 17-4 dersom ei konkret vurdering av eleven og den individuelt tilrettelagde opplæringa som skal bli gitt, tilseier det.

**§ 11-10 Individuell opplæringsplan**

Skolen skal utarbeide ein individuell opplæringsplan for elevar som får individuelt tilrettelagd opplæring. I planen skal det stå kva som er måla for og innhaldet i opplæringa, og korleis ho skal drivast.

**§ 11-11 Årleg evaluering av utbyttet av den individuelt tilrettelagde opplæringa**

Skolen skal éin gong i året utarbeide ei skriftleg oversikt over den individuelt tilrettelagde opplæringa eleven har fått, og ei vurdering av utviklinga til eleven sett opp mot måla i den individuelle opplæringsplanen. Eleven eller foreldra skal få tilgang til oversikta og vurderinga.

**§ 11-12 Alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)**

Elevar som heilt eller delvis manglar funksjonell tale og treng alternativ og supplerande kommunikasjon, skal få bruke eigna kommunikasjonsformer og nødvendige kommunikasjonsmiddel i opplæringa. Det same gjeld for dei som har læretid i bedrift.

Elevar og lærekandidatar har også rett til den opplæringa dei treng for å kunne bruke alternativ og supplerande kommunikasjon. Denne opplæringa kan vere ein del av den individuelt tilrettelagde opplæringa etter § 11-6.

**§ 11-13 Pedagogisk-psykologisk teneste**

Kommunen og fylkeskommunen skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste.

Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal samarbeide med og støtte skolane i det førebyggjande arbeidet for å gi eit inkluderande opplæringstilbod til elevar som kan ha behov for tilrettelegging av opplæringa. Tenesta skal

- a. støtte og rettleie skolane i å greie ut behov for tilrettelegging av opplæringa og i å setje inn tiltak så tidleg som mogleg når det trengst
- b. hjelpe til med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling slik at opplæringstilbodet blir så inkluderande og godt tilrettelagt som mogleg

Der lova eller forskrift til lova krev sakkunnig vurdering, er det den pedagogisk-psykologiske tenesta som skal utarbeide vurderinga.

Departementet kan gi forskrift om i kva andre tilfelle den pedagogisk-psykologiske tenesta skal utarbeide sakkunnige vurderingar.

**§ 11-14 Læremiddel for individuelt tilrettelagt opplæring**

Departementet skal sørge for at det blir utarbeidd lærebøker og andre læremiddel for individuelt tilrettelagt opplæring.

**Kapittel 12 Skolemiljøet til elevane****§ 12-1 Verkeområde for kapittelet**

Dette kapittelet gjeld for skolen, leksehjelpordninga og skolefritidsordninga.

**§ 12-2 Retten til eit trygt og godt skolemiljø**

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og lærings.

**§ 12-3 Nulltoleranse og førebyggjande arbeid**

Skolen skal ikkje godta krenkjande oppførsel, som til dømes mobbing, vald, diskriminering og trakkassering.

Skolen skal arbeide kontinuerleg for at alle elevane skal ha eit trygt og godt skolemiljø.

**§ 12-4 Plikt til å sikre eit trygt og godt psykososialt skolemiljø (aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt)**

Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på korleis elevane har det, og om mogleg gripe inn dersom nokon krenkjer ein elev.

Alle som arbeider på skolen, skal melde frå til rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Det gjeld også når ein elev seier sjølv at ho eller han ikkje har det trygt og godt. Skolen skal snarast undersøkje saka og rette opp situasjonen med eigna tiltak. Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen i alvorlege tilfelle.

Skolen skal lage ein skriftleg plan for tiltaka i ei sak. I planen skal det stå

- a. kva problem tiltaka skal løyse
- b. kva tiltak skolen har planlagt
- c. når tiltaka skal gjennomførast
- d. kven som skal gjennomføre tiltaka
- e. når tiltaka skal evaluerast

Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til andre ledd, i den forma og det omfanget som er nødvendig.

**§ 12-5 Skjerpa plikt til å melde frå dersom ein som arbeider på skolen, krenkjer ein elev**

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, krenkjer ein elev, skal vedkommande straks melde frå til rektor. Rektor skal

melde frå til kommunen eller fylkeskommunen, med mindre meldinga er openbert grunnlaus.

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein i leiinga ved skolen krenker ein elev, skal vedkommande melde frå til kommunen eller fylkeskommunen direkte.

**§ 12-6 Statsforvaltaren si handheving av plikta til å sikre eit trygt og godt psykososialt skolemiljø i enkelt-saker**

Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til statsforvaltaren etter at saka er tatt opp med rektor.

Statsforvaltaren skal avgjere om plikta til å rette opp situasjonen med eigna tiltak etter § 12-4 andre ledd og plikta til å lage ein skriftleg plan etter § 12-4 tredje ledd er oppfylt. Dersom saka ikkje er tatt opp med rektor, det er under ei veke sidan ho vart tatt opp eller eleven ikkje lenger går på den aktuelle skolen, skal statsforvaltaren avvise saka, om det ikkje er særlege grunnar til å behandle ho.

Kommunen og fylkeskommunen skal utan hinder av lovfesta teieplikt leggje fram alle opplysnin- gar som statsforvaltaren meiner må til for å greie ut saka.

Kjem statsforvaltaren til at skolen ikkje har oppfylt plikta til setje inn eigna tiltak etter § 12-4 andre ledd eller plikta til å lage ein skriftleg plan etter § 12-4 tredje ledd, kan statsforvaltaren påleggje kommunen eller fylkeskommunen å rette forholdet. Dersom saka elles vil bli unødig forseinka, eller dersom det er grunn til å tru at kommunen eller fylkeskommunen ikkje kjem til å rette forholdet, kan statsforvaltaren vedta kva skolen skal gjere for at eleven skal få eit trygt og godt skolemiljø. Statsforvaltaren kan vedta reaksjonar etter skolereglane, jf. § 10-7, eller vedta at ein elev skal bytte skole, jf. § 13-2.

Avgjerda til statsforvaltaren er eit enkeltved- tak. Statsforvaltaren skal setje ein frist for gjennomføringa av vedtaket og følgje opp saka.

**§ 12-7 Det fysiske miljøet**

Alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skolen skal innreiast slik at det leggjast til rette for dei elevane ved skolen som har nedsett funksjonsevne.

Departementet gir forskrift om saksbehand- linga av saker som gjeld det fysiske skolemiljøet etter §§ 12-2 og 12-7. I slike saker gjeld ikkje § 29-1.

**§ 12-8 Tvangsmulkt**

For å sikre gjennomføringa av vedtak etter § 12-6 kan statsforvaltaren og klageinstansen fastsetje tvangsmulkt for kommunar og fylkeskom- munar. Tvangsmulkt kan fastsetjast samtidig med vedtaket eller seinare.

Ei avgjerd om tvangsmulkt får verknad når kommunen eller fylkeskommunen ikkje held fristen for gjennomføring av vedtaket etter § 12-6, og mulkta går til vedtaket er oppfylt. I vedtaket om tvangsmulkt kan det setjast ein seinare frist for gjennomføring enn den som vart sett etter § 12-6. Ei avgjerd om tvangsmulkt får ikkje verknad der- som det er uråd å rette seg etter vedtaket og den ansvarlege ikkje kan noko for det.

Avgjerda om tvangsmulkt skal behandlast etter reglane i forvaltningsloven kapittel IV og V.

Mulkta går til statskassa. I særlege tilfelle kan tvangsmulka reduserast eller falle bort.

Departementet kan gi forskrift om kva slags tvangsmulkt som kan nyttast, og om kor stor mul- kta skal vere.

**§ 12-9 Straffansvar for brot på reglane om skolemiljø**

Med bot eller fengsel i opp til 3 månader blir den straffa som forsettleg eller aktlaust grovt eller fleire gonger bryt reglane i § 12-4 første ledd, § 12-4 andre ledd første punktum og fjerde punktum eller § 12-5. Det same gjeld ein rektor som på same viset bryt reglane i § 12-4 andre ledd tredje punktum.

Når det skal vurderast om brotet er grovt, skal det leggjast vekt på kva slags lovbroten det er tale om, og kor stor skade det har ført til.

Dersom ein av reglane i § 12-4 første til andre ledd eller § 12-5 er broten av nokon som handlar på vegner av skolen, kan kommunen og fylkeskommunen straffast, jf. straffeloven § 27.

Straffansvaret er forelda etter 5 år.

**§ 12-10 Bevisbyrde i erstatningssaker om psykososialt skolemiljø**

Dersom det er grunn til å tru at kommunen eller fylkeskommunen ikkje har følgt reglane om psykososialt skolemiljø i eller i medhald av kapitel 12, skal det ved behandlinga av erstatningskrav etter skadeserstatningsloven leggjast til grunn at reglane ikkje er følgde, om ikkje kommunen eller fylkeskommunen gjer noko anna truleg.

**Kapittel 13 Ordenstiltak**

**§ 13-1 Bortvising**

Kommunen og fylkeskommunen kan fastsetje i forskrift om skoleregler etter § 10-7 at elevane

kan visast bort frå opplæringa etter fleire eller grove brot på skolereglane, med dei avgrensingane som følgjer av denne paragrafen.

Ein elev kan ikkje visast bort dersom mindre inngripande tiltak er tilstrekkelege.

Elevar på 1. til 7. trinn kan visast bort for enkelttimar eller resten av dagen, og elevar på 8. til 10. trinn kan visast bort for opp til tre dagar. Foreldra skal få melding før ein elev på 1. til 7. trinn blir vist bort for resten av dagen. Elevar i den vidaregåande opplæringa kan visast bort for opp til fem dagar. Det kan også fastsetjast at elevar i den vidaregåande opplæringa kan visast bort for resten av skoleåret dersom regelbrota er særleg alvorlege.

Det er rektor sjølv som vedtar bortvising frå opplæringa. Om ikkje kommunen eller fylkeskommunen fastset noko anna, kan rektor gi lærarar høve til å vise bort elevar frå ei opplæringsøkt som læraren sjølv har ansvaret for. Bortvisinga kan ikkje gjelde for meir enn to klokketimar. Fylkeskommunen kan ikkje delegere myndigheita til å gjere vedtak om at ein elev i den vidaregåande opplæringa skal visast bort for resten av skoleåret til den enkelte skolen.

### § 13-2 *Pålagt skolebyte*

Kommunen og fylkeskommunen kan gjere vedtak om at ein elev skal flyttast til ein annan skole dersom oppførselen til eleven går alvorleg ut over tryggleiken eller læringa til ein eller fleire medelevarar.

Ein elev skal ikkje flyttast dersom mindre inngripande tiltak vil kunne avhjelpe situasjonen. Ein elev skal ikkje flyttast dersom det fører til at eleven må flytte ut av heimen, eller gjer at dagleg skyss blir uforsvarleg. Ein elev i den vidaregåande skolen skal heller ikkje flyttast dersom det fører til at eleven må bytte utdanningsprogram eller programområde.

Kommunen og fylkeskommunen kan ikkje delegere myndigheita til å gjere vedtak om skolebyte til den enkelte skolen.

## Kapittel 14 Organiseringa av opplæringa og reglar for livssynsopplæringa

### § 14-1 *Skolerute og lengda på skoleåret*

Opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skoleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skoleåret.

Kommunen og fylkeskommunen gir forskrift om skole- og feriedagar for elevane (skolerute). Skole- og feriedagane skal planleggjast slik at eksamen og nasjonale prøver kan gjennomførast.

### § 14-2 *Inndeling av elevar i klassar og grupper*

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at kvar elev høyrer til éin klasse og har så mykje opplæringstid i klassen at eleven kan utvikle sosial samkjensle. I delar av opplæringa kan elevane delast i andre grupper. Klassane og gruppene skal setjast saman slik at skolen blir ein møteplass der elevane utviklar toleranse og respekt for kvarandre.

Ingen klassar eller grupper skal vere større enn det som er trygt og pedagogisk forsvarleg.

Elevane kan delast inn i grupper etter fagleg nivå i særskilde og avgrensa delar av opplæringa, dersom det er nødvendig for at ein eller fleire av elevane skal få eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Elevane kan berre delast inn i grupper etter kjønn dersom det er særleg tungtvegande grunnar til å gjere det. Elevane kan ikkje delast inn i grupper etter etnisitet.

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at alle elevar har ein kontaktlærar. Kontaktlæraren har eit særleg ansvar for eleven, for kontakten med heimen og for administrative, sosiale og pedagogiske gjeremål i klassen.

### § 14-3 *Forholdet mellom talet på lærarar og talet på elevar*

Departementet kan gi forskrift om forholdet mellom talet på lærarar og talet på elevar per skole eller per kommune. Forholdstalet kan variere frå trinn til trinn.

### § 14-4 *Fjernundervisning*

Delar av opplæringa kan gjennomførast utan at læraren er til stades saman med elevane (fjernundervisning) dersom det er gode grunnar for det og det er trygt og pedagogisk forsvarleg. At det må vere gode grunnar betyr at fordelane for elevane må vere større enn ulempene ved å gjennomføre opplæringa som fjernundervisning. Når det skal vurderast om det vil vere trygt og pedagogisk forsvarleg å gi delar av opplæringa som fjernundervisning, skal det mellom anna takast omsyn til elevane sitt høve til læring, utvikling, trivsel og sosial samkjensle.

Elevane skal få fjernundervisning på skolen. I særlege tilfelle kan ein elev få fjernundervisning andre stader enn på skolen. Elevar i vidaregåande skole kan også få unntak etter avtale med rektor.

Fjernundervisninga skal gjennomførast slik at elevane og læraren kan kommunisere effektivt. Dei tekniske løysingane som blir nytta, må legge

til rette for kommunikasjon i sanntid eller med kort responstid.

Kommunen eller fylkeskommunen skal godt gjere at vilkåra i denne paragrafen er oppfylte.

Departementet kan gi forskrift om fjernundervisning.

#### **§ 14-5 Forbod mot forkynning**

Opplæringa skal ikkje vera forkynnande.

#### **§ 14-6 Fritak frå aktivitetar i opplæringa på grunn av livssyn**

Elevar har rett til fritak frå aktivitetar i opplæringa som dei med rimeleg grunn opplever som utøving av ein annan religion enn sin eigen eller tilslutning til eit anna livssyn enn sitt eige, eller som dei på same grunnlag opplever som krenkjande eller støytande. Fritaket føreset ei skriftleg melding frå eleven eller foreldra, men det trengst ikkje grunngiving.

Ein kan ikkje kreve fritak frå kompetanseområda i læreplanane for fag. Elevar som får fritak frå aktivitetar i opplæringa, skal ha anna opplæring med tilsvarande fagleg innhald.

#### **§ 14-7 Opplæring om kristendom, religion, livssyn og etikk**

Opplæringa om emna kristendom, andre religionar, livssyn og etikk skal samle alle elevar, og medverke til auka forståing, respekt og evne til dialog mellom menneske med ulikt syn på trudoms- og livssynsspørsmål. Emna skal presenteraast på ein objektiv, kritisk og pluralistisk måte.

### **Kapittel 15 Opplæringsspråk, læremiddel og skolebibliotek**

#### **§ 15-1 Opplæringsspråk og talemål**

Opplæringa skal vere på norsk, samisk eller norsk teiknspråk.

I den munnlege opplæringa avgjer elevane og lærarane sjølv kva for talemål dei vil bruke. Lærarane og skoleleiinga skal ta mest mogleg omsyn til talemålet til elevane i ordval og uttrykksmåtar.

#### **§ 15-2 Hovudmål på kvar skole**

Kommunen og fylkeskommunen gir forskrift om kva skriftspråk som skal vere hovudmålet på kvar skole, anten bokmål eller nynorsk. Skolen skal bruke hovudmålet i den skriftlege opplæringa og i den skriftlege kommunikasjonen med elevane og foreldra.

I samband med skifte av hovudmål på ein grunnskole eller når eit fleirtal i kommunestyret eller minst 1/4 av dei røysteføre i kommunen krev det, skal det haldast rådgivande røysting. Nytt

vedtak om hovudmål kan ikkje gjerast før det har gått fem år. Departementet kan gi forskrift om røysterett, ansvar for røystinga og organisering av røystinga.

#### **§ 15-3 Krav til rettskriving og krav til skriftspråk i læremiddel**

Med læremiddel er her meint alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som er utvikla til bruk i opplæringa, som skal brukast jamleg i opplæringa, og som dekkjer vesentlege delar av læreplanen i faget.

Skolen skal bruke læremiddel på norsk og samisk som følgjer offisiell rettskriving.

Skolen skal bruke læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris. Kravet gjeld ikkje

- a. læremiddel i faget norsk
- b. læremiddel i fag med årskull med 300 eller færre elevar
- c. læremiddel der den norske teksten utgjer ein mindre del

Dei trykte læreremidla i norskfaget i grunnskolen skal samla ha nok tilfang på både bokmål og nynorsk, slik at elevane lærer å lese begge skriftspråka.

#### **§ 15-4 Ordlistar, ordbøker og skriveprogram**

Dei norskspråklege trykte og digitale ordlistene og ordbøkene skolen brukar, skal vere godkjende av Språkrådet.

Skolen skal bruke skriveprogram som støttar både bokmål og nynorsk, og som følgjer offisiell rettskriving.

#### **§ 15-5 Skolebibliotek**

Elevane skal ha tilgang til skolebibliotek. Departementet kan gi forskrift om skolebibliotek.

#### **§ 15-6 Utstyr**

Skolane skal ha tilgang til nødvendig utstyr, inventar og læremiddel.

### **Kapittel 16 Rådgiving**

#### **§ 16-1 Rådgiving om utdannings- og yrkesval**

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at elevar i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa får den rådgivinga som dei treng om utdannings- og yrkesval.

Elevane skal få rådgiving på den skolen dei går på, og individuelt dersom dei ønskjer det.

Fylkeskommunen skal sørge for at dei som har lærerid i bedrift, har tilgang til rådgiving om utdannings- og yrkesval.

### **§ 16-2 Rådgiving om sosiale og personlege forhold**

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at elevar får den rådgivinga som dei treng om sosiale og personlege forhold som kan ha innverknad på korleis dei har det på skolen.

Elevane skal få rådgiving på den skolen dei går på, og individuelt dersom dei ønskjer det.

Fylkeskommunen skal sørge for at dei som har læretid i bedrift, har tilgang til rådgiving om sosiale og personlege forhold.

## **Kapittel 17 Personalet i skolen, skolefagleg kompetanse og kvalitetsutvikling**

### **§ 17-1 Krav om kompetanse i skolen**

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for rett og nødvendig kompetanse i skolen.

### **§ 17-2 Leiing**

Skolen skal ha ei leiing som er fagleg, pedagogisk og administrativt forsvarleg.

Ein skole skal leiast av ein rektor. Rektoren skal ha pedagogisk kompetanse, ta del i den daglege verksemda og arbeide med utviklinga av verksemda. Ein rektor kan leie fleire skolar.

### **§ 17-3 Krav om kompetanse for å bli tilsett i lærarstilling**

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at dei som blir tilsett i lærarstilling, har relevant fagleg og pedagogisk kompetanse seinast når dei tar til i stillinga.

Dersom ingen søker oppfyller kompetansekrava, kan andre tilsetjast mellombels i ei lærarstilling. Slik mellombels tilsetjing skal ikkje vare lengre enn til 31. juli, med mindre søkeren blir tilsett på det vilkåret at påbyrja lærarutdanning skal fullførast. Kor lenge ei tilsetjing på vilkår om påbyrja utdanning skal vare, avtaler arbeidsgivaren og arbeidstakaren ut frå kor stor stilling og kor lang utdanning det er tale om, og kor tilgjengeleg utdanningstilbodet er.

Departementet kan gi forskrift om kva kompetanse ein må ha for å kunne bli tilsett i lærarstilling.

### **§ 17-4 Krav om relevant kompetanse i undervisningsfag**

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at dei som er tilsett i lærarstilling, har relevant kompetanse i dei faga dei skal undervise i.

Krava om relevant kompetanse i undervisningsfag gjeld ikkje dei som kunne tilsetjast i lærarstilling før 1. januar 2014, allmennlærarar og mellombels tilsette.

Kommunen og fylkeskommunen kan fråvike krava til relevant kompetanse i undervisningsfag dersom det er nødvendig fordi skolen ikkje har nok tilsette i lærarstilling som oppfyller krava. Ei slik avgjerd skal vurderast på nytt kvart skoleår.

Departementet kan gi forskrift om krav til relevant kompetanse i dei ulike faga.

### **§ 17-5 Kvalifikasjonsprinsippet**

Den best kvalifiserte søkeren skal tilsetjast i ei ledig stilling, om det ikkje er gjort unntak i lov eller forskrift.

Når kommunen og fylkeskommunen skal vurdere kven som er best kvalifisert, skal dei leggje vekt på utdanning, erfaring og kor personleg eigna søkeren er, halde saman med kvalifikasjonskrava i utlysinga.

### **§ 17-6 Bruk av anna personale i opplæringa enn dei som er tilsett i lærarstilling**

Anna personale enn dei som er tilsett i lærarstilling, kan hjelpe til i opplæringa, men skal ikkje ha ansvaret for opplæringa. Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at slike personale får nødvendig rettleiing av ein som er tilsett i lærarstilling.

### **§ 17-7 Krav om at skolane har tilgang på vikarar**

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at skolane har tilgang på vikarar ved vanleg og venta fråvær.

### **§ 17-8 Fagleg og pedagogisk utvikling**

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at dei som er tilsett i lærarstilling, rektorar og andre tilsette i skolen får høve til å utvikle seg fagleg og pedagogisk så dei kan vere på høgd med utviklinga i skolen og samfunnet.

### **§ 17-9 Praksisplassar i skolen**

Departementet kan i det enkelte tilfellet eller i forskrift gi pålegg om at kommunane eller fylkeskommunane skal gi studentar frå universitet og høgskolar praksisopplæring og rettleiing i skolen.

### **§ 17-10 Personalet ved leirskolar**

Undervisningspersonalet ved leirskolar med fast pedagogisk bemanning skal vere tilsett i den kommunen der leirskolen ligg. Departementet kan gi forskrift om kompetansekrav for personalet ved faste leirskolar.

### **§ 17-11 Politiattest og forbod mot tilsetjing**

Kommunen og fylkeskommunen skal krevje politiattest av dei som skal tilsetjast fast eller mel-

lombels i grunnskolen, den vidaregående skolen, skolefritidsordninga, leksehjelpa, kulturskolen eller skoleliknande aktivitetstilbod. Den som skal tilsetjast fast eller mellombels i leirskole, må også leggje fram politiattest.

Kommunen og fylkeskommunen kan krevje politiattest av personar som skal ha praksis på skolane og andre stader der tilboda som nemnde i første ledd blir gitt. Når det skal vurderast om ein person som skal ha praksis, skal leggje fram politiattest, skal det leggjast vekt på om det alt er utført vandelskontroll etter eit anna regelverk, kor langt praksisophaldet skal vere, og kor mykje kontakt personen skal ha med elevar.

Kommunen og fylkeskommunen kan krevje politiattest av personar som skal utføre oppgåver ved skolane og andre stader der tilboda som nemnde i første ledd blir gitt.

Politiattesten skal innehalde dei merknadene som politiregisterloven § 39 første ledd fastset. I tillegg skal politiattesten innehalde merknader om reaksjonar for brot på straffeloven (2005) §§ 251, 252, 253, 254, 255, 256, 263, 264, 272, 273, 284 og 285, straffeloven (1902) §§ 222, 223, 227, 228 andre ledd, 229 og lov 15. desember 1995 nr. 74 om forbud mot kjønnslemlestelse §§ 1 og 2. Merknader om reaksjoner for brot på desse straffeboda skal i ordinær politiattest oppgis i samsvar med politiregisterloven § 40.

Personar som er dømde for eller har vedtatt førelegg for seksuelle overgrep mot mindreårige, skal ikkje tilsetjast eller ha praksis i skolar eller tilbod som nemnde i første ledd.

Dersom politiattesten inneheld merknader om verserande sak eller andre straffebrot enn dei som er nemnde i femte ledd, skal det vurderast konkret om personen bør tilsetjast, ha praksis eller utføre oppgåver i skolar eller tilbod som nemnde i første ledd.

Departementet gir forskrift om politiattest, og kva for straffebod som skal vere omfatta av femte ledd. Departementet kan også gi forskrift om innhenting og behandling av politiattest.

#### § 17-12 Skolefagleg kompetanse og kvalitetsutvikling

Det skal vere skolefagleg kompetanse i kommune- og fylkeskommuneadministrasjonen.

Kommunen og fylkeskommunen skal arbeide for å halde ved lag og heve kvaliteten i grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa.

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at skolane jamleg vurderer i kva grad organiseringsa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fast-

sette med heimel i §§ 1-4 første og andre ledd og 1-5 andre og tredje ledd.

Kommunestyret og fylkestinget skal minst éin gong i året få informasjon om læringsmiljøet, læringsresultata og gjennomføringa til elevane i opplæringa.

#### Femte del – førebuande opplæring og vidaregåande opplæring for vaksne

##### Kapittel 18 Rett til førebuande opplæring og vidaregåande opplæring for vaksne

###### § 18-1 Formålet med opplæringa for vaksne

Formålet med opplæringa i § 1-3 og dei overordna måla og prinsippa for opplæringa med heimel i § 1-4 gjeld så langt det passar for opplæring for vaksne. Opplæringa skal byggje på den kompetansen deltakarane allereie har, og skal leggjast opp slik at deltakarane så raskt som mogleg kan oppnå relevant kompetanse for arbeid eller vidare utdanning.

###### § 18-2 Rett til førebuande opplæring for vaksne

Dei som treng førebuande opplæring i fag eller i grunnleggjande ferdigheter, men ikkje lenger har rett til grunnskoleopplæring etter § 2-1, har rett til førebuande opplæring for vaksne.

Søkjarar har mellom anna rett til førebuande opplæring dersom dei ikkje har fått tilfredsstilande opplæring før, dersom dei treng opplæring i fag eller grunnleggjande ferdigheter som ikkje var del av læreplanen då dei fekk grunnskoleopplæring, og dersom dei treng ny opplæring på grunn av skade eller sjukdom. Når det skal vurderast om ein søker treng førebuande opplæring, skal det takast omsyn til kva søkeren sjølv meiner.

Dei som har rett til vidaregåande opplæring etter kapittel 5, har ikkje rett til førebuande opplæring etter denne paragrafen.

###### § 18-3 Rett til vidaregåande opplæring for vaksne

Dei som har fullført grunnskoleopplæring eller tilsvarande opplæring, men ikkje har studiekompetanse eller yrkeskompetanse frå vidaregåande opplæring, har rett til vidaregåande opplæring for vaksne frå det skoleåret som tar til det året dei fyller 19 år. Det gjeld også dei som har fullført vidaregåande opplæring i eit anna land, men ikkje får godkjent opplæringa som studiekompetanse eller yrkeskompetanse i Noreg.

Dei som har rett til vidaregåande opplæring for vaksne, skal komme inn på eit opplæringstilbod som fører fram til ein av tre sluttkompetansar som dei har søkt på. Fylkeskommunen skal sørge

for at søkerar med betydeleg realkompetanse knytt til ein viss yrkeskompetanse får høve til å formalisere denne kompetansen gjennom fag eller sveinebrev.

Dersom fylkeskommunen tilbyr det, kan dei som har rett til vidaregåande opplæring etter denne paragrafen, men som ikkje har rett til vidaregåande opplæring etter § 5-1, likevel velje vidaregåande opplæring etter kapittel 5. Dei får då dei same rettane og pliktene som dei med rett til vidaregåande opplæring etter § 5-1.

Departementet kan gi forskrift om kven som har rett til vidaregåande opplæring for vaksne, og om inntaket til opplæringa.

#### **§ 18-4 Rett til yrkesfagleg rekvalifisering**

Dei som har oppnådd studiekompetanse eller yrkeskompetanse, har rett til vidaregåande opplæring fram til éin ny sluttkompetanse innanfor eit yrkesfagleg utdanningsprogram.

#### **§ 18-5 Vidaregåande opplæring for vaksne utan rett**

Fylkeskommunen kan gi vidaregåande opplæring til dei som har brukt opp retten til vidaregåande opplæring.

Fylkeskommunen kan gi vidaregåande opplæring til dei som er over opplæringspliktig alder, og som ikkje har fullført grunnskoleopplæring eller tilsvarande opplæring.

Dei som blir tatt inn til vidaregåande opplæring for vaksne utan å ha rett til det, får dei same rettane og pliktene som dei med rett til vidaregåande opplæring etter § 18-3.

#### **§ 18-6 Rett til lære plass eller anna tilbod i den vidaregåande opplæringa for vaksne**

Dei som har lovfesta rett til opplæring etter § 18-3, og som oppfyller vilkåra for å bli formidla til lærertid i bedrift, har rett til lære plass. Dersom dei ikkje får tilbod om lære plass, har dei rett til eit anna opplæringstilbod som gir grunnlag for den sluttkompetansen dei er tatt inn på.

Når vaksne deltakarar får opplæringa i bedrift, gjeld kapittel 7 for den delen av opplæringa.

#### **§ 18-7 Påbygging og opplæring fram til generell studiekompetanse**

Dei som har bestått fag- og yrkesopplæring, har rett til påbygging til generell studiekompetanse frå det skoleåret som tar til det året dei fyller 19 år.

Dei som har oppnådd yrkeskompetanse utan å ha bestått fellesfaga som normalt inngår i opplæringsløpet, har ikkje rett til påbygging, men rett til vidaregåande opplæring etter § 18-3 fram til gene-

rell studiekompetanse. Dette gjeld uavhengig av den nedre aldersgrensa i § 18-3 første ledd.

#### **§ 18-8 Realkompetansevurdering**

Dei som har rett til opplæring for vaksne, har rett til å få realkompetansen sin vurdert og dokumentert.

Dei som ikkje har rett til opplæring for vaksne, har rett til å få realkompetansen sin vurdert og dokumentert dersom kommunen eller Arbeids- og velferdsetaten tilrår det.

Departementet kan gi forskrift om realkompetansevurdering, om klage på realkompetansevurdering og om dokumentasjon.

#### **§ 18-9 Gratis opplæring for vaksne**

Reglane i §§ 2-5 og 5-8 om gratis opplæring gjeld også for førebuande opplæring og vidaregåande opplæring for vaksne.

#### **§ 18-10 Rett til opplæring for vaksne som ikkje har opphaldsløyve**

Det er eit vilkår for rett til førebuande opplæring at ein har lovleg opphold i landet. Dei som er over opplæringspliktig alder, og som oppheld seg lovleg i landet medan dei ventar på svar på søknad om opphaldsløyve, har rett til førebuande opplæring ut det skoleåret som tar til det året dei fyller 18 år. Dei som får avslag på søknaden om opphaldsløyve, har berre rett til førebuande opplæring fram til datoén for det endelige vedtaket.

Det er eit vilkår for rett til vidaregåande opplæring at søkeren har lovleg opphold i landet. Dei som oppheld seg lovleg i landet medan dei ventar på svar på søknad om opphaldsløyve, har likevel ikkje rett til vidaregåande opplæring for vaksne.

#### **§ 18-11 Plikt til oppmøte og aktiv deltaking i opplæringa for vaksne**

Vaksne deltakarar i førebuande opplæring og vidaregåande opplæring har plikt til å møte opp til opplæringa og delta aktivt.

Kommunen og fylkeskommunen kan etter søknad gje permisjon frå opplæringa.

#### **Kapittel 19 Innhaldet i og organiseringa av den førebuande og den vidaregåande opplæringa for vaksne**

##### **§ 19-1 Innhald, vurdering og dokumentasjon i opplæringa for vaksne**

Opplæringa skal vere i samsvar med måla og prinsippa for opplæringa, jf. § 18-1, jf. § 1-4 første ledd og andre ledd i denne paragrafen. Opplæringa skal byggje på kompetansen til den vaksne deltakaren.

Departementet kan gi forskrift om læreplanar i fag for førebuande og vidaregåande opplæring for vaksne.

Vaksne deltakarar har rett til individuell vurdering og dokumentasjon av opplæringa. Departementet gir forskrift om individuell vurdering, om klage på vurdering og om dokumentasjon.

#### *§ 19-2 Organisering av opplæringa for vaksne*

Den førebuande og den vidaregåande opplæringa for vaksne skal organiserast som eit særskilt tilbod for vaksne.

Opplæringstilboden skal tilpassast livssituasjonen til deltakarane. Opplæringa kan givast som fjernundervisning.

Kommunen og fylkeskommunen kan bruke andre rettssubjekt, til dømes studieforbund, til å gi opplæring til vaksne. Kommunen og fylkeskommunen kan likevel ikkje delegere til andre rettssubjekt å dokumentere opplæringa etter § 19-1.

#### *§ 19-3 Bokmål og nynorsk i opplæringa for vaksne*

Deltakarar i opplæringa for vaksne vel sjølv om dei skal bruke bokmål eller nynorsk som hovudmål i det skriftlege arbeidet.

#### *§ 19-4 Rett til opplæring i og på samisk for vaksne deltakarar*

Samiske deltakarar i den førebuande og vidaregåande opplæringa for vaksne har rett til opplæring i samisk. Samiske deltakarar i den førebuande opplæring for vaksne som bur i forvalningsområdet for samisk språk etter sameloven § 3-1, har rett til opplæring på samisk når det er nødvendig for å få forsvarlig utbytte av opplæringa.

#### *§ 19-5 Tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging for vaksne deltakarar*

Kravet i § 11-1 om tilpassa opplæring gjeld for førebuande og vidaregåande opplæring for vaksne.

Deltakarar i den førebuande opplæringa har rett til individuell tilrettelegging etter §§ 11-4 til 11-6. For denne tilrettelegginga gjeld §§ 11-7 til 11-11 og § 11-13.

Deltakarar i den vidaregåande opplæringa med nedsett funksjonsevne eller særskilde behov har rett til eigna individuell tilrettelegging av lærestad, undervisning, lærerittel og eksamen, for å sikre likeverdige høve til opplæring.

Retten etter tredje ledd gjeld ikkje tilrettelegging som inneber ei uforholdsmessig byrde for fylkeskommunen. Når fylkeskommunen skal vur-

dere om tilrettelegginga inneber ei uforholdsmessig byrde, skal fylkeskommunen leggje særleg vekt på effekten tilrettelegginga har for å byggje ned barrierane for deltakarar med nedsett funksjonsevne og særskilde behov, dei nødvendige kostnadene ved tilrettelegginga og kva ressursar fylkeskommunen har til rådighet.

#### *§ 19-6 Opplæring for å utvikle eller halde ved like grunnleggjande ferdigheter i den førebuande opplæringa for vaksne*

Deltakarar i den førebuande opplæringa for vaksne som har särlege behov for opplæring for å kunne utvikle eller halde ved like grunnleggjande ferdigheter, har rett til slik opplæring. For denne opplæringa gjeld §§ 11-4 til 11-11 og § 11-13.

#### *§ 19-7 Alternativ supplerande kommunikasjon (ASK) i opplæringa for vaksne*

Deltakarar i opplæringa for vaksne som heilt eller delvis manglar funksjonell tale og treng alternativ og supplerande kommunikasjon, skal få bruke eigna kommunikasjonsformer og nødvendige kommunikasjonsmiddel i opplæringa.

Deltakarane har også rett til den opplæringa dei treng for å kunne bruke alternativ og supplerande kommunikasjon. Denne opplæringa kan vere ein del av den individuelle tilrettelegginga av opplæringa etter §§ 19-5 og 19-6.

#### *§ 19-8 Særskild språkopplæring for vaksne deltakarar*

Deltakarar i den førebuande opplæringa for vaksne har rett til særskild språkopplæring etter § 3-6.

Deltakarar i den vidaregåande opplæringa for vaksne har rett til forsterka opplæring i norsk etter § 6-5 første ledd første punktum.

#### *§ 19-9 Opplæring i og på norsk teiknspråk for vaksne deltakarar*

Deltakarar med hørselshemming i den førebuande og vidaregåande opplæringa for vaksne har rett til opplæring i norsk teiknspråk. Deltakarane har rett til opplæring ved bruk av teiknspråktolk eller opplæring på norsk teiknspråk.

#### *§ 19-10 Opplæring i punktskrift for vaksne deltakarar*

Deltakarar i den førebuande og vidaregåande opplæringa for vaksne har rett til opplæring i punktskrift etter §§ 3-5 og 6-4. Dei har også rett til mobilitetstrening etter § 11-5 andre ledd.

### **§ 19-11 Planlegginga og utbygginga av det vidaregåande opplæringstilbodet for vaksne**

Reglane i § 5-3 om planlegging og utbygging av det vidaregåande opplæringstilbodet gjeld for det vidaregåande opplæringstilbodet for vaksne deltakarar.

### **§ 19-12 Rådgiving om utdannings- og yrkesval i opplæringa for vaksne**

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at deltakarar i den førebuande og den vidaregående opplæringa for vaksne får rådgiving om utdannings- og yrkesval.

### **§ 19-13 Kompetansekrav i opplæringa for vaksne**

Reglane i §§ 17-3, 17-4 og 17-5 om kompetansekrav for lærarar og kvalifikasjonsprinsippet gjeld i den førebuande og den vidaregående opplæringa for vaksne.

Første ledd gjeld ikkje for opplæring etter § 19-6. Opplæringa skal likevel skje under fagleg og pedagogisk rettleiing.

Departementet kan gi forskrift om kompetansekrav for dei som skal undervise i forsterka opplæring i norsk.

### **§ 19-14 Politiattest og forbod mot tilsetjing i den førebuande opplæringa for vaksne**

Reglane i § 17-11 om politiattest og forbod mot tilsetjing gjeld for den førebuande opplæringa for vaksne.

## **Kapittel 20 Medverknad, læringsmiljø, lokale ordensreglar og bortvising i opplæringa for vaksne**

### **§ 20-1 Rett til medverknad for vaksne deltakarar**

Deltakarar i den førebuande og den vidaregåande opplæringa for vaksne har rett til medverknad i alt som gjeld dei sjølv etter denne lova, og har rett til å ytre meiningsane sine fritt. Deltakarane skal bli høyrde, og det skal leggjast vekt på meiningsane deira.

### **§ 20-2 Krav til læringsmiljøet i opplæringa for vaksne**

Kommunen og fylkeskommunen skal arbeide kontinuerleg for at alle deltakarane skal ha eit trygt og godt læringsmiljø.

Deltakarar i opplæringa for vaksne skal ikkje utsetjast for krenkjande oppførsel. Alle som arbeider i den førebuande opplæringa og den vidaregåande opplæringa for vaksne, skal om mogleg gripe inn dersom ein deltarar blir utsett for krenking.

### **§ 20-3 Ordensreglar for opplæringa for vaksne**

Kommunen og fylkeskommunen kan gi forskrift om lokale reglar for opplæringa for vaksne, mellom anna om orden og oppførsel (ordensreglar).

Kommunen og fylkeskommunen kan i slike ordensreglar angi kva tiltak som kan brukast når deltakarar bryt ordensreglane, og korleis slike saker skal behandlast.

### **§ 20-4 Bortvising av vaksne deltakarar**

Kommunen og fylkeskommunen kan fastsetje i forskrift etter § 20-3 at deltakarar i opplæringa for vaksne kan visast bort frå opplæringa etter fleire eller grove brot på reglane i forskrifta, med dei avgrensingane som følgjer av denne paragrafen.

Ein deltarar kan ikkje visast bort dersom mindre inngripande tiltak er tilstrekkelege.

Deltakarar kan visast bort frå resten av kurset eller modulen dei er tatt inn på, dersom regelbrota er særleg alvorlege.

Kommunen eller fylkeskommunen kan ikkje delegera myndigheita til å gjere vedtak om at ein deltarar skal visast bort frå resten av kurset eller modulen til eit organ ved opplæringsstaden.

## **Kapittel 21 Skyss, reisefølgje og losji for deltakarar i opplæringa for vaksne**

### **§ 21-1 Skyss til og frå opplæringsstaden for deltakarar i opplæringa for vaksne**

Deltakarar i den førebuande opplæringa for vaksne har rett til gratis skyss dersom dei bur meir enn fire kilometer frå opplæringsstaden.

Deltakarar i den førebuande opplæringa for vaksne som treng skyss på grunn av nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom, har rett til gratis skyss til og frå opplæringsstaden.

Deltakarar i den vidaregåande opplæringa for vaksne har rett til skyss etter reglane i § 9-1 ut det skoleåret som tar til det året dei fyller 24 år.

### **§ 21-2 Reisefølgje for og tilsyn med deltakarar i den førebuande opplæringa for vaksne**

Deltakarar i den førebuande opplæringa for vaksne som får skyss til og frå opplæringsstaden, har rett til reisefølgje og tilsyn i ventetida før og etter opplæringa dersom dei på grunn av nedsett funksjonsevne ikkje klarer seg åleine.

### **§ 21-3 Avgrensing av rett til skyss og rett til losji i den førebuande opplæringa for vaksne**

Retten til skyss etter § 21-1 gjeld ikkje dersom dagleg skyss ikkje er forsvarleg.

Når fylkeskommunen skal vurdere om dagleg skyss er forsvarleg, skal det særleg leggjast vekt på alderen og funksjonsevna til deltakaren og kor lang og farleg skolevegen er. Det kan berre leggjast vekt på kostnader eller vanskar for fylkeskommunen dersom dei er ekstraordinære.

Deltakarar i den førebuande opplæringa for vaksne som ikkje har rett til skyss fordi dagleg skyss ikkje er forsvarleg, har rett til losji.

Kommunen skal ha tilsyn med innlosjerte vaksne deltakarar om det trengst.

## Sjette del – privat opplæring, godkjenningsordningar og privatistordningar

### Kapittel 22 Privat opplæring

#### § 22-1 Kven som kan drive private skolar etter lova

Private kan berre drive skole etter denne lova med godkjenning av departementet. Departementet skal godkjenne private grunnskolar dersom dei kan oppfylle krava i § 22-2. Departementet kan gi forskrift om saksbehandlingsreglar for godkjenning av private grunnskolar i samsvar med tjenesteloven § 27. Den som driv privat grunnskole utan godkjenning, kan straffast med bot.

Departementet kan godkjenne private vidaregåande skolar dersom det ligg føre ein mellomstatleg avtale om drift av slike skolar. I samband med godkjenninga kan departementet gjere unntak frå krava i lova og i forskrift gitt med heimel i lova.

Godkjenninga etter første og andre ledd fell bort dersom ein skole ikkje set i gang verksemda si etter lova innan tre skoleår etter at godkjenninga vart gitt. Det same gjeld om drifta etter lova blir nedlagd. Skolen skal gi melding til departementet når drifta etter lova blir nedlagd.

#### § 22-2 Ansvaret til private grunnskolar

For private grunnskolar gjeld desse reglane:

- a. §§ 1-3 og 1-4 første og andre ledd om mål og prinsipp for opplæringa
- b. § 2-3 om innhald, vurdering og dokumentasjon i grunnskoleopplæringa
- c. § 3-1 om bokmål og nynorsk for elevane i grunnskolen
- d. kapittel 10 om det beste for eleven, medverknad, skoledemokrati, foreldresamarbeid, skoleregular og plikt til å delta
- e. § 11-1 om tilpassa opplæring
- f. kapittel 12 om skolemiljøet til elevane
- g. § 13-1 om bortvising
- h. § 14-1 andre ledd om skole- og feriedagar
- i. § 14-2 om inndeling av elevar i klassar og gruppar

- j. § 14-4 om fjernundervisning
- k. § 14-5 om forbod mot forkynning
- l. § 14-6 om fritak frå aktivitetar i opplæringa på grunn av livssyn
- m. § 14-7 om opplæring om kristendom, religion, livssyn og etikk
- n. kapittel 16 om rådgiving
- o. kapittel 17 om personalet i skolen, skolefagleg kompetanse og kvalitetsutvikling
- p. § 24-2 om opplysningar til den kommunale helse- og omsorgstenesta og sosialtenesta
- q. § 24-3 om plikt til å melde frå til barnevernet
- r. § 25-1 om behandling av personopplysningar og unntak frå teieplikt
- s. § 25-4 om plikt til å delta i evalueringar og gi opplysningar
- t. § 27-2 om forbod mot bruk av plagg som dekkjer ansiktet

Kommuneloven § 25-1 om internkontroll gjeld også for private grunnskolar.

Der lova legg ansvar, oppgåver eller plikter til kommunen, ligg ansvaret ved ein privat skole til det øvste organet på skolen.

Heimkommunen skal sørge for at elevane har same tilgang til den pedagogisk-psykologiske tenesta som elevane i den offentlege skolen.

#### § 22-3 Unntak frå visse krav for utanlandske og internasjonale grunnskolar

Departementet kan gjere unntak frå krava i § 22-2 første ledd for utanlandske og internasjonale grunnskolar så framt unntaka ikkje svekkjer dei grunnleggjande rettane til elevane.

#### § 22-4 Teieplikt i private skolar

Forvaltningsloven §§ 13 til 13 e og § 13 g om teieplikt gjeld for private skolar som er godkjende etter § 22-1.

#### § 22-5 Privat grunnskoleopplæring i heimen

Foreldre har plikt til å melde frå til kommunen dersom dei skal gi barna privat grunnskoleopplæring i heimen.

Den private grunnskoleopplæringa i heimen skal oppfylle krava til formålet med opplæringa i § 1-3, krava i § 1-4 andre ledd om at opplæringa skal vere i samsvar med læreplanar for fag og § 1-6 første ledd om fag- og timefordelinga, forbodet mot forkynning i § 14-5 og krava i § 14-7 til korleis opplæringa om emna kristendom, religion, livssyn og etikk skal leggjast opp.

Kommunen skal føre tilsyn med at den private grunnskoleopplæringa i heimen oppfyller krava i andre ledd. Når kommunen får melding om at eit barn skal få slik opplæring, skal kommunen opne

tilsyn innan tre månader etter at opplæringa tar til. Kommunen kan krevje at barn som får privat grunnskoleopplæring i heimen, tar prøver som kan vise om opplæringa oppfyller krava i andre ledd.

Dersom opplæringa ikkje oppfyller krava i andre ledd, skal barnet gå på skolen.

#### *§ 22-6 Statleg tilsyn med private skolar*

Departementet fører tilsyn med private skolar, jf. § 29-2 andre ledd. Reglane i kommuneloven §§ 30-3 og 30-4 gjeld for tilsynsverksemda.

### Kapittel 23 Privatistordningar og godkjenning av utanlandsk opplæring

#### § 23-1 Privatistar

Den som har meldt seg til eksamen utan å delta i opplæring i faget, er privatist. I grunnskolen er det berre dei som ville hatt rett til opplæring for vaksne etter reglane i kapittel 18, som kan gå opp til eksamen som privatist.

#### § 23-2 Praksiskandidatar

Den som har allsidig praksis i eit lærefag som er 25 prosent lengre enn det fastsette opplæringsløpet for faget, kan melde seg til fag- eller sveineprøva som praksiskandidat, utan opplæring i skole eller bedrift. Fylkeskommunen avgjer om praksi- sen kan godkjennast og kan i særlege tilfelle god- kjenne kortare praksis.

#### § 23-3 Godkjenning av utanlandsk fag- og yrkesopp- læring

Den som har utanlandsk fag- eller yrkesopplæring, kan søke departementet om å få ei godkjenning av opplæringa. Departementet skal godkjenne opplæring som har same nivå og omfang som den norske vidaregåande opplæringa og inneheld mange av dei vesentlege elementa i det aktuelle faget. Opplæring som er godkjent, er sidestilt med norsk fag- eller sveinebrev eller vitnemål.

Departementet kan gi forskrift om vilkår for godkjenning, saksbehandling, klage og om oppnemning av klagenemnd.

#### § 23-4 Behandling av søknad om godkjenning av utanlandsk fag- og yrkesopplæringer

Ved vurdering av søknader om godkjenning av utanlandsk fag- og yrkesopplæring etter § 23-3 kan det behandlast personopplysningar som nemnde i personvernforordninga artikkel 9 og 10.

Vedtak om godkjenning kan gjerast ved heilt eller delvis automatisert saksbehandling. Søkja-

ren kan krevje at vedtaket skal overprøvast manuelt.

Fødselsnummer, D-nummer og informasjon om at ein person har eit godkjenningsvedtak, kan delast automatisk med ein portal for deling av vitnemål og dokumentasjon om oppnådd kompetanse, jf. universitets- og høyskoleloven § 4-14 første ledd. Vedtak kan berre delast når den registrerte har bestemt det.

Dersom den som behandlar ein søknad om godkjenning, oppdagar at ein søker har levert falske vitnemål, andre falske dokument eller dokument frå falske institusjonar, skal forholdet meldast til politiet.

### Sjuande del – forskjellige reglar

### Kapittel 24 Samarbeid, samordning, opplysningsplikt, sjølvråderett og avgjerder på vegne av eleven

#### § 24-1 Samarbeid og samordning

Skolen, skolefritidsordninga og pedagogisk-psykologisk teneste skal samarbeide med andre tenesteytarar dersom samarbeid er nødvendig for å gi eleven eit heilskapleg og samordna tenestetilbod. Dersom eleven har individuell plan etter anna lov og forskrift, skal skolen, skolefritidsordninga og den pedagogisk-psykologiske tenesta delta i samarbeid om utarbeiding og oppfølging av tiltak og mål i den individuelle planen.

Kommunen skal samordne tenestetilbodet etter første ledd. Ved behov skal kommunen avgjere kva for ein kommunal tenesteytar som skal vareta samordninga. Dersom det er oppnemnt barnekoordinator etter helse- og omsorgstjenesteloven § 7-2 a, skal koordinatoren sørge for samordning av tenestetilbodet.

Skolen, skolefritidsordninga og pedagogisk-psykologisk teneste skal, i tillegg til å følgje opp einskilde elevar, samarbeide med andre tenesteytarar slik at alle tenesteytarane kan vareta sine oppgåver etter lov og forskrift.

Når det må til for å løyse oppgåvene etter første til tredje ledd, kan dei samarbeidande tenestene behandle personopplysningar, inkludert personopplysningar som nemnde i personvernforordninga artikkel 9 og 10.

Med tenesteytarar er det her meint kommunale, fylkeskommunale og statlege tenesteytarar, private tenesteytarar som utfører oppgåver på vegner av ein slik tenesteytar, barnehagar som får tilskot etter barnehageloven § 19, og skolar som får statstilskot etter privatskolelova § 6-1.

Krava i denne paragrafen gjeld på same måte for samarbeid og samordning for vaksne deltaka-

rar som har rett til førebuande opplæring og vidaregående opplæring for vaksne etter kapittel 18.

**§ 24-2 Opplysningar til den kommunale helse- og omsorgstenesta og sosialtenesta**

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at alle som utfører tenester eller arbeid etter denne lova, er merksame på forhold som bør føre til tiltak frå sosialtenesta eller helse- og omsorgstenesta. Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at dei som blir merksame på slike forhold, av eige tiltak gir sosialtenesta eller helse- og omsorgstenesta alle relevante opplysningar som dei ikkje har plikt til å teie om.

**§ 24-3 Plikt til å melde frå til barnevernet**

Alle som utfører tenester eller arbeid etter denne lova, skal i arbeidet sitt vere merksame på forhold som kan føre til tiltak frå barnevernstenesta.

Alle som utfører tenester eller arbeid etter denne lova, skal utan hinder av teieplikta melde frå til barnevernstenesta utan ugrunna opphold

- a. når det er grunn til å tru at eit barn blir eller kjem til å bli mishandla, utsett for alvorlege manglar ved den daglege omsorga eller annan alvorleg omsorgssvikt
- b. når det er grunn til å tru at eit barn har ein livstruande eller annan alvorleg sjukdom eller skade og ikkje kjem til undersøking eller behandling, eller at eit barn med nedsett funksjonsevne eller eit særleg hjelpetrengande barn ikkje får dekt det særlege behovet for behandling eller opplæring
- c. når eit barn viser alvorlege åtferdsvanskar i form av alvorleg eller gjentatt kriminalitet, misbruk av rusmiddel eller anna utprega normalaus oppførsel
- d. når det er grunn til å tru at eit barn blir eller kjem til å bli utnytta til menneskehandel

Alle som utfører tenester eller arbeid etter denne lova, har også plikt til å gi opplysningar etter pålegg i samsvar med barnevernsloven § 13-4.

**§ 24-4 Rett til å ta avgjerder for eleven når barnevernstenesta har overtatt omsorga**

Dersom barnevernstenesta har overtatt omsorga etter barnevernsloven § 5-1, har barnevernstenesta rett til å ta avgjerder på vegner av eleven. Barnevernstenesta har dessutan rett til å ta avgjerder på vegner av eleven etter vedtak om flytteforbod etter barnevernloven § 4-3 og etter vedtak om plassering etter barnevernloven § 4-2.

Foreldra til eleven har likevel rett til å velje privat skole etter § 2-2, samtykkje til fritak frå heile opplæringsplikta etter § 2-2, velje skriftspråk etter § 3-1, krevje fritak frå delar av opplæringa på grunn av livssyn etter § 14-6, og krevje opplæring i og på samisk og i kvensk eller finsk etter §§ 3-2 og 3-3.

**§ 24-5 Sjølvråderett for dei som har fylt 15 år**

Dei som har fylt 15 år, tar sjølve stilling til spørsmål knytte til opplæringa, mellom anna samtykke til individuelt tilrettelagt opplæring, melding om fritak frå aktivitetar i opplæringa på grunn av livssyn og søknad om inntak til den vidaregåande opplæringa.

**Kapittel 25 Behandling av personopplysningar og plikt til å delta i evalueringar**

**§ 25-1 Behandling av personopplysningar og unntak frå teieplikt**

Kommunar, fylkeskommunar og lærebodrifter kan behandle personopplysninga når det er nødvendig for å utføre oppgåver etter lova.

Ved skolebytte kan skolar hente inn dei personopplysningane frå andre skolar som er nødvendige for å oppfylle retten til grunnskoleopplæring og vidaregående opplæring og retten til dokumentasjon av opplæringa.

Fylkeskommunar kan hente inn dei personopplysningane frå grunnskolar som er nødvendige for å oppfylle retten til vidaregåande opplæring, gjennomføre inntak til vidaregåande opplæring, førebyggje fråvær frå opplæringa og følgje opp dei som er i målgruppa til oppfølgingstenesta.

Ved skolebytte etter andre ledd og ved overgang til vidaregåande opplæring etter tredje ledd kan skolane også dele personopplysninga, for å legge til rette opplæringa til ein elev dersom eleven eller foreldra tillèt det.

Behandlinga av personopplysningar etter første til fjerde ledd kan også omfatte personopplysningar som nemnde i personvernforordninga artikkel 9 og 10.

Departementet kan gi forskrift om behandlinga av personopplysningar, mellom anna om formålet med behandlinga, behandlingsansvar, kva opplysningar som kan behandlast og om kven, bruk av automatiserte avgjerder, og tilgang til, vidarebehandling og utlevering av personopplysningar.

Ulevering av personopplysningar etter andre, tredje og fjerde ledd kan gjerast utan hinder av teiplikt.

**§ 25-2 Den nasjonale databasen for vitnemål og annan dokumentasjon av oppnådd kompetanse fra vidaregående opplæring**

Den nasjonale databasen for vitnemål og annan dokumentasjon av kompetanse skal legge til rette for

- a. samling av sannferdig informasjon om og oppbevaring av vitnemål og annan dokumentasjon av oppnådd kompetanse fra vidaregående opplæring
- b. kontroll av at vitnemåla er gyldig førte i samsvar med gjeldande reglar
- c. opptak til høgare utdanning og til høgare yrkesfagleg utdanning
- d. deling av vitnemål og annan dokumentasjon av kompetanse

Fylkeskommunar og andre som tilbyr vidaregående opplæring, skal utan hinder av teieplikt levere alle vitnemål og kompetansebevis frå den vidaregående opplæringa til databasen. Departementet kan i forskrift fastsetje unntak frå denne plikta.

Databasen kan også innehalde vitnemål og annan dokumentasjon av kompetanse frå anna opplæring og utdanning i den mon det tener til å oppfylle eitt eller fleire av formåla i første ledd.

Databasen kan dele fødselsnummeret eller D-nummeret til ein person og informasjon om kva for dokumentasjon av kompetansen til personen databasen inneheld automatisk med ein portal for deling av vitnemål og dokumentasjon av kompetanse, jf. universitets- og høyskoleloven § 4-14. Vitnemål og dokumentasjon av kompetanse kan berre delast når den registrerte har bestemt det.

Departementet kan gi forskrift om behandling av personopplysningar i databasen, mellom anna om formålet med behandlinga, behandlingsansvar, kva opplysningar som kan behandlast og om kven, og tilgang til, vidarebehandling og utlevering av personopplysningar.

**§ 25-3 Innhenting av opplysningar frå Folkeregisteret**

Offentlege styresmakter kan utan hinder av teieplikt hente inn opplysningar frå Folkeregistret når det er nødvendig for å utføre oppgåver etter denne lova. Departementet kan gi forskrift om kva for opplysningar som kan hentast inn.

**§ 25-4 Plikt til å delta i evalueringar og gi opplysningar**

Departementet kan gi forskrift om at dei ansvarlege for opplæringa og dei som får opplæ-

ring, skal delta i evalueringar og gi opplysningar om opplæringa, så langt det er nødvendig for å evaluere verksemda etter denne lova. Departementet kan vidare gi forskrift om at det i dette arbeidet kan behandlast personopplysninga, og mellom anna om formålet med behandlinga, behandlingsansvar, kva opplysningar som kan behandlast og om kven, og tilgang til, vidarebehandling og utlevering av personopplysningar. Behandlinga kan også omfatte personopplysningar som nemnde i personvernforordninga artikkel 9 og 10.

**Kapittel 26 Kulturskole**

**§ 26-1 Kulturskole**

Kommunen skal ha eit tilbod om kulturskole til barn og unge, organisert i tilknyting til skolen og kulturlivet.

**§ 26-2 Formålet med kulturskolen**

Kulturskolen skal legge til rette for at elevane får delta i ulike aktivitetar der dei får lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk, i eit trygt og godt skolemiljø.

**Kapittel 27 Reklameforbud og forbod mot ansiktsdekkjande plagg**

**§ 27-1 Forbod mot reklame i skolen**

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at elevane ikkje blir utsette for reklame som er eigna til å skape kommersielt press, eller som i stor grad kan påverke haldningar, oppførsel og verdiar, mellom anna på skolens område, i lærebøker og andre lærermiddel som blir nytta i opplæringa. Departementet kan gi forskrift om kva slags reklame forbodet dekkjer.

**§ 27-2 Forbod mot bruk av plagg som dekkjer ansiktet**

Elevar og vaksne deltakarar skal ikkje bruke plagg som dekkjer heile ansiktet eller delar av det, når dei får opplæring. Det same gjeld når elevar deltar i skolefritidsordninga eller får leksehjelp.

Tilsette i skolen skal ikkje bruke plagg som dekkjer heile ansiktet eller delar av det, når dei er saman med elevane eller deltakarane. Det same gjeld dei som arbeider i skolefritidsordninga, leksehjelpordninga, skolehelsetenesta eller den pedagogisk-psykologiske tenesta.

Forbodet gjeld ikkje tildekking av ansiktet av omsyn til vêr, helse eller tryggleik, eller tildekking som tener pedagogiske eller sosiale føremål.

## Kapittel 28 Ansvaret til kommunen og fylkeskommunen

### § 28-1 Kommunen sitt juridiske og økonomiske ansvar

Kommunen skal oppfylle retten til grunnskoleopplæring og førebuande opplæring for vaksne for dei som bur i kommunen, bortsett frå dei som fylkeskommunen har ansvaret for etter §§ 28-3 til 28-6. Kommunen har ansvaret for at reglane i lova som legg plikter på kommunen, skolen og tilsette i skolen, blir oppfylte.

Departementet kan gi forskrift om eller fastsetje i enkeltvedtak kven som skal reknast som busette i kommunen. Departementet kan gi forskrift om at ein kommune skal ha det økonomiske ansvaret for grunnskoleopplæringa for elevar som får slik opplæring utanfor kommunen.

### § 28-2 Fylkeskommunen sitt juridiske og økonomiske ansvar

Fylkeskommunen skal oppfylle retten til vidaregående opplæring for dei som bur i fylket. Fylkeskommunen har ansvaret for at reglane i lova som legg plikter på fylkeskommunen, skolen og tilsette i skolen, blir oppfylte.

Fylkeskommunen skal oppfylle retten til grunnskoleopplæring, førebuande opplæring for vaksne og vidaregående opplæring etter reglane i §§ 28-3 til 28-5.

Fylkeskommunar som har ledig kapasitet, skal gi tilbod om vidaregående opplæring til søkjrarar frå andre fylke dersom dei har rett til opplæring etter § 5-1. Heimfylket skal refundere utgiftene til verfts fylket for dei som får skoleplass i eit anna fylke enn det dei bur i.

Departementet kan gi forskrift om eller fastsetje i enkeltvedtak kven som skal reknast som busette i fylket. Departementet kan gi forskrift om refusjon av utgiftene til verfts fylket for dei som får skoleplass i eit anna fylke enn det dei bur i.

Departementet kan gi forskrift om det økonomiske ansvaret fylkeskommunen har for utgifter til opphold for elevar i vidaregående opplæring med rett til opplæring i og på norsk teiknspråk.

Oslo kommune har dei rettane og pliktene som ein fylkeskommune har etter denne lova.

### § 28-3 Ansvaret for opplæringa til dei som bur i barnevernsinstitusjonar

Fylkeskommunen skal oppfylle retten til grunnskoleopplæring, førebuande opplæring for vaksne og vidaregående opplæring for dei som bur i barnevernsinstitusjonar i fylket. Dette gjeld

berre institusjonar som er godkjende etter barnevernsloven § 10-17.

Fylkeskommunen der ein barnevernsinstitusjon ligg, har rett til refusjon for kostnader til opplæringa frå fylkeskommunen der barnet eller den unge var busett då vedtaket om plassering vart gjort. Departementet kan gi forskrift om satsar for refusjon.

Blir opplæringa gitt i barnevernsinstitusjon, skal institusjonen sørge for dei lokala som trengst.

### § 28-4 Ansvaret for opplæringa til innlagde og for barn og søsken til innlagde i helseinstitusjonar

Fylkeskommunen skal oppfylle retten til grunnskoleopplæring, førebuande opplæring for vaksne og vidaregående opplæring for dei som er innlagde i helseinstitusjonar i fylket. Fylkeskommunen skal også oppfylle denne retten for barn og søsken til innlagde i helseinstitusjonar når institusjonsopphaldet truleg vil føre til meir enn fjorten dagars fråvær per skoleår for barnet eller søskenet.

Ansvaret til fylkeskommunen omfattar berre innlagde som får spesialisthelsetenester finansierete av staten, og barn og søsken til innlagde som får slike tenester.

Fylkeskommunen der ein helseinstitusjon ligg, har rett til refusjon for kostnader til opplæringa frå fylkeskommunen der pasienten eller barnet eller søskenet til pasienten var busett på innleggingstidspunktet. Refusjonsretten gjeld berre ved innlegging i institusjonar som tilbyr tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelavhengige, og innlegging i institusjonar i det psykiske helsevernet. Departementet kan gi forskrift om satsar for refusjon.

Blir opplæringa gitt i helseinstitusjon, skal institusjonen sørge for dei lokala som trengst.

### § 28-5 Ansvaret for opplæringa til innsette i fengsel

Fylkeskommunen skal oppfylle retten til grunnskoleopplæring, førebuande opplæring for vaksne og vidaregående opplæring for innsette i fengsel i fylket.

Dersom opplæringa ikkje blir gitt på skolen, skal kriminalomsorga sørge for dei lokala som trengst.

### § 28-6 Unntak frå hovudreglane om kva opplæring kommunen og fylkeskommunen har ansvaret for

Departementet kan i særlege tilfelle godkjenne at ein fylkeskommune driv grunnskoleopplæring og førebuande opplæring for vaksne, og at ein kommune driv vidaregående opplæring.

Departementet kan i særlege tilfelle godkjenne at ein fylkeskommune driv vidaregåande opplæring i utlandet, dersom målet med opplæringa er norsk studie- eller yrkeskompetanse. Denne lova gjeld for slik opplæring. Så langt det er forsvarleg og nødvendig, kan departementet likevel gjere unntak frå reglane i lova og forskrifter til lova. Departementet kan endre vilkåra for godkjenninga når tilhøva talar for det, og kan om nødvendig kalle ho tilbake.

Staten kan i særlege tilfelle drive grunnskoleopplæring, førebuande opplæring for vaksne og vidaregående opplæring. Departementet kan gi forskrift om unntak frå reglane i lova og forskrifter til lova når staten driv grunnskoleopplæring, førebuande opplæring for vaksne og vidaregåande opplæring.

#### § 28-7 Ansvar for skyss, reisefølgje, tilsyn og losji

Fylkeskommunen skal oppfylle retten til skyss for elevar i grunnskolen og i den vidaregåande skolen og for deltakarar i den førebuande opplæringa og den vidaregåande opplæringa for vaksne. Det er likevel kommunen som skal oppfylle retten til skyss for grunnskoleelevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg.

Fylkeskommunen skal oppfylle retten til reisefølgje og tilsyn for elevar i den vidaregåande opplæringa. Kommunen skal oppfylle retten til reisefølgje, tilsyn og losji for grunnskoleelevar og deltakarar i førebuande opplæring for vaksne.

Når fylkeskommunen sørger for skyss for elevar i grunnskolen og deltakarar i den førebuande opplæringa for vaksne, skal kommunen dekkje utgiftene som svarer til personakst for enkeltreiser på strekninga.

Fylkeskommunen skal organisere skoleskyssen i samråd med kommunen. Blir dei ikkje samde, kan statsforvaltaren gi pålegg om korleis skoleskyssen skal organiserast og finansierast.

Kommunen har ansvar for innlosjering av elevar i grunnskolen etter § 4-3. Fylkeskommunen har ansvar for å hjelpe elevar i den vidaregåande opplæringa med å skaffe bustad etter § 9-3.

Departementet kan gi forskrift om

- skoleskyss og skyssgodtgjersle
- heimreiser, reisefølgje og opphold for dei som må innlosjerast i samsvar med kapittel 9
- heimfylket sitt ansvar for å refundere utgifter til skyss i samband med vidaregåande opplæring i eit anna fylke

#### § 28-8 Ulykkesforsikring

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for ulykkesforsikring for elevar og vaksne deltaka-

rar. Fylkeskommunen skal også sørge for ulykkesforsikring for dei som har lærretid i bedrift, der yrkesskadeforsikring ikkje er dekkjande.

Plikta til å sørge for ulykkesforsikring gjeld ikkje leksehjelpordninga, skolefritidsordninga eller kulturskolen.

Departementet kan gi forskrift om ulykkesforsikring.

#### § 28-9 Karriererettleiing

Fylkeskommunen skal ha eit tilbod om gratis karriererettleiing for dei som er folkeregistrert som busette i fylket. Fylkeskommunen skal samarbeide med Arbeids- og velferdsetaten om tilboden.

Departementet kan gi forskrift om innhaldet i og omfanget av karriererettleiinga og om korleis tilboden skal vera organisert.

### Kapittel 29 Klageinstans, tilsyn og forsøk

#### § 29-1 Klageinstans for enkeltvedtak

Departementet er klageinstans for enkeltvedtak etter opplæringslova.

For enkeltvedtak som ikkje gjeld opplæring eller skoleskyss, reisefølge og tilsyn i forbindelse med skyss, gjeld likevel reglane om klageinstans i forvaltningsloven § 28. I den vidaregåande opplæringa gjeld reglane om klageinstans i forvaltningsloven § 28 også for vedtak om inntak av gjesteelevar og vedtak om kva for utdanningsprogram, programområde og skole ein søker skal takast inn på.

Departementet gir forskrift om kven som skal vere klageinstans for enkeltvedtak om individuell vurdering.

#### § 29-2 Statleg tilsyn

Statsforvaltaren kan føre tilsyn med at kommunane og fylkeskommunane oppfyller plikter som dei er pålagde i §§ 1-4 til 1-6, §§ 2-1 til 2-6, kapittel 3 til 4, § 5-1, §§ 5-3 til 5-9, kapittel 6, §§ 7-1 til 7-9, § 8-2, kapittel 9, §§ 10-1 til 10-8, §§ 11-1 til 11-13, §§ 12-2 til 12-5, § 12-7, kapittel 13 til 16, §§ 17-1 til 17-11, kapittel 18-21, § 22-2, § 22-5, § 23-2, kapittel 24 til 25, § 26-1, kapittel 27 til 28 og § 29-4 og i forskrift med heimel i desse paragrafane, og plikta til å ha internkontroll etter kommuneloven § 25-1. Reglane i kommuneloven kapittel 30 gjeld for tilsynsverksemda.

Departementet kan føre tilsyn med andre plikter enn dei som er pålagde kommunane og fylkeskommunane i lova og i forskrift med heimel i lova. Reglane i kommuneloven §§ 30-3 og 30-4 gjeld for tilsynsverksemda.

**§ 29-3 Forsøksverksemnd**

Etter søknad frå kommunen eller fylkeskommunen, eller etter eige initiativ, kan departementet gjere tidsavgrensa unntak frå lova eller reglar gitt med heimel i lova dersom det er nødvendig for å gjennomføre pedagogiske eller organisatoriske forsøk. Forsøka skal vere etisk forsvarlege, godt fagleg underbygde, og ikkje svekkje elevane sine grunnleggjande rettar etter lova. Forsøka skal evaluerast og rapporterast.

**§ 29-4 Oppfylling av enkeltvedtak som er kjent ugyldig**

Ein kommune eller fylkeskommune skal oppfylle eit vedtak frå eit statleg forvaltningsorgan som gir ein part rett til tenester etter denne lova, sjølv om kommunen eller fylkeskommunen får vedtaket kjent ugyldig gjennom søksmål etter tvisteloven § 1-4 a. Eit vedtak av dette slaget kan berre gjerast om til skade for den private parten etter reglane i forvaltningsloven § 35 første ledd bokstav c dersom vedtaket er ugyldig fordi den private parten eller nokon som har handla på vegner av den private parten, forsettleg eller grovt aktlaust har gitt urette opplysningar eller halde tilbake opplysningar.

**Åttande del – sluttreglar****Kapittel 30 Iverksetjing og overgangsreglar****§ 30-1 Iverksetjing og oppheving**

Lova gjeld frå den tida Kongen fastset. Samstundes blir lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa oppheva. Kongen kan setje i verk ulike kapittel eller reglar i lova til ulik tid.

**§ 30-2 Overgangsreglar**

Forskrifter og enkeltvedtak med heimel i reglar som blir oppheva eller endra med denne lova, står ved lag til Kongen fastset noko anna. Kongen kan gi forskrift med overgangsreglar for tilpassing til denne lova.

Personale i grunnskolen som var tilsett i uoppseieleg stilling 1. august 1999, kan ikkje seiast opp, og lov 13. juni 1969 nr. 24 om grunnskolen § 24 nr. 1 andre ledd og nr. 2 gjeld for dei.

**§ 30-3 Endringar i andre lover**

Frå den tida lova trer i kraft, blir det gjort følgjande endringar i andre lover:

I lov 4. juli 2003 nr. 84 om private skolar med rett til statstilskot (privatskolelova) blir det gjort følgjande endringar:

§ 1-2 skal lyde:

**§ 1-2 Verkeområdet**

Lova gjeld godkjenning med rett til statstilskot for private grunnskolar og private vidaregåande skolar, og vilkår for å få slikt tilskot. *Lova kapittel 6A gjeld godkjenning med rett til statstilskot for diverse skolar som gir yrkesretta opplæring, og vilkår for å få slikt tilskot. Lova elles gjeld ikkje for slike skolar.*

Lova gjeld ikkje skolar som er omfatta av folkehøyskoleloven, fagskoleloven eller voksenopplæringsloven, eller som driv verksemda si etter opplæringslova § 22-1. Lova gjeld heller ikkje skolar som blir drivne av politiske grupper eller parti på partipolitisk grunnlag.

Lova gjeld ikkje *kjøp av opplæringstenester med unntak av kjøp av opplæringstenester ved gjennomføring av fjernundervisning i samsvar med § 3-4 a.*

§ 1-3 skal lyde:

**§ 1-3 Definisjonar**

Med heimkommune og heimfylke i denne lova er meint den kommunen eller fylkeskommunen som har ansvaret for grunnskoleopplæring etter opplæringslova § 28-1 eller den fylkeskommunen som har ansvaret for den vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 28-2.

*Med vertskommune og vertsfylke i denne lova er meint den kommunen eller fylkeskommunen der privatskolen ligg.*

*Med skole i denne lova er det meint private skolar som er godkjent etter § 2-1. Med skole i kapittel 6 A er det meint diverse skolar som gir yrkesretta opplæring godkjent etter § 6 A-1.*

§ 2-1 andre ledd bokstav g skal lyde:

g. vidaregåande opplæring i tradisjonshåndverksfag.

§ 2-1 tredje ledd første punktum skal lyde:

Med særskild *tilrettelagd* vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett etter andre ledd bokstad d, er det i denne samanhengen meint årstimetalalet for utdanningsprogram idrettsfag eller årstimetalalet for utdanningsprogram studiespesialisering med tillegg av 140 årstimar toppidrett på vidaregåande trinn 1.

§ 2-3 skal lyde:

**§ 2-3 Krav til innhald i opplæringa**

Skolen skal drive verksemda si etter læreplanar godkjende av departementet. Det må gå fram av planen kva slag vurderingsformer og dokumentasjon skolen skal nytte. Skolane skal anten følgje den læreplanen som gjeld for offentlege skolar, eller læreplanar som på annan måte sikrar elevane jamgod opplæring, jf. opplæringslova § 1-4. Elles har skolen sin undervisningsfridom. I samband med godkjenning fastset departementet kva for tilbod skolen kan gi, og maksimalt elevtal på det enkelte tilbodet. *Departementet kan gi forskrift om krav til læreplanen.*

*Departementet kan gi forskrift om plikt til å delta i aktivitetar i grunnskolen som ikkje er opplæring i fag.* Departementet kan gi forskrift om fri tak frå opplæring i sidemålet for elevar som får særskilt språkopplæring, om godskriving av tidegare gjennomgått vidaregåande opplæring eller praksis, og om fritak frå kroppsøving i den vidaregåande skolen.

*I grunnskolen kan opp til fem prosent av timane i kvart fag flyttast til andre fag eller brukast til særskilde tverrfaglege aktivitetar. Styret fastset fag- og timefordeling for det enkelte skoleåret der omdisponeringa av timer mellom fag kjem fram.*

Ny § 2-3a skal lyde:

**§ 2-3a Vurdering og dokumentasjon**

Elevane har rett til individuell vurdering og dokumentasjon av opplæringa. Elevane på 1. til 7. trinn skal ha individuell vurdering utan karakterar. Departementet gir forskrift om individuell vurdering, om klage på vurdering og om dokumentasjon. Departementet kan gi forskrift om at mangel på vurderingsgrunnlag kan føre til tap av rett til individuell vurdering med karakter i faget.

§ 2-4 skal lyde:

**§ 2-4 Krav til skoleanlegg og skolemiljø**

Skoleanlegga skal vere godkjende av departementet. Anlegga skal ligge samla.

Opplæringslova *kapittel 12* om elevane sitt skolemiljø og § 13-2 om skolebyte gjeld for skolar godkjende etter lova her. I saker om skolebyte er det heimkommunen eller heimfylket som gjer vedtak. Departementet er klageinstans for enkeltvedtak etter § 12-7 om det fysiske skolemiljøet og enkeltvedtak etter § 13-2 om skolebyte.

*Når kapittel 12 viser til «kommunen og fylkeskommunen», skal dette lesast som «skolen» i §§ 12-6 tredje og fjerde ledd, 12-8, 12-9 og 12-10, og som «skolens styre» i §§ 12-4 andre ledd og 12-5. Når*

*kapittel 12 viser til «rektor» skal det lesast som «dagleg leiar», jf. § 4-1 andre ledd.*

§ 2-5 skal lyde:

**§ 2-5 Forsøksverksemد**

*Etter søknad frå skolen, eller etter eige initiativ, kan departementet gjere tidsavgrensa unntak frå lova eller reglar gitt med heimel i lova dersom det er nødvendig for å gjennomføre pedagogiske eller organisatoriske forsøk. Forsøka skal vere etisk forsvarlege, godt fagleg underbygde, og ikkje svekkje elevane sine grunnleggjande rettar etter opplæringslova og privatskolelova. Forsøka skal evaluerast og rapporterast.*

§ 3-1 første ledd skal lyde:

Skolane skal ha heile landet som inntaksområde. Dei skal stå opne for alle som fyller vilkåra for inntak i offentlege skolar, jf. opplæringslova § 2-1 og § 5-1 første ledd. Dette gjeld også skolar i utlandet og internasjonale skolar i Noreg. Skolane kan reservere eit avgrensar tal på elevplassar til søkerar som kjem etter hovudinntaket.

§ 3-1 andre ledd skal lyde:

*Dei vidaregåande skolane kan ta inn vaksne søkerar som har rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 18-3 første ledd og § 18-4. Ved inntak til vidaregåande skolar skal ungdom med rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 5-1 første ledd prioriterast før vaksne søkerar med rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 18-3 første ledd og § 18-4. Skolar for funksjonshemma kan også ta inn vaksne søkerar utan rett til vidaregåande opplæring. Heimfylket skal vurdere realkompetansen til ein voksen søker før han eller ho kan takast inn som elev ved ein vidaregåande skole. Departementet kan gi forskrift om inntak til vidaregåande skolar. Forskrifta kan mellom anna innehalde reglar om krava til inntak og om unntak frå krava i andre og fjerde punktum.*

§ 3-2 skal lyde:

**§ 3-2 Rett og plikt til opplæring**

Elevar i grunnskolar som er godkjende etter denne lova, oppfyller si plikt til grunnskoleopplæring etter opplæringslova § 2-2 første og andre ledd.

Elevar i vidaregåande skoler som er godkjende etter denne lova, nyttar retten sin til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 5-1 første og andre ledd, § 5-5, § 5-7 første ledd, § 5-9, § 18-3 første ledd og § 18-4.

§ 3-3 skal lyde:

**§ 3-3 Skolegangen**

Ein elev som har fått plass ved ein grunnskole som er godkjend etter denne lova, har rett til å fullføre opplæringa si ved skolen, så langt skolen er godkjend.

Opplæringslova § 2-2 tredje ledd om heilt eller delvis fritak frå opplæringsplikta og § 2-4 om utsett og tidleg skolestart gjeld tilsvarande for elevar i grunnskolar som er godkjende etter denne lova. Heimkommunen gjer vedtak. Departementet er klageinstans.

Ein elev som har fått plass ved ein vidaregåande skole som er godkjend etter denne lova, har rett til å fullføre trinnet med mindre eleven kan visast bort, jf. § 3-10.

Opplæringslova § 5-5 om omval gjeld for elevar i vidaregåande skolar som er godkjende etter denne lova. Heimfylket gjer vedtak.

§ 3-4 skal lyde:

**§ 3-4 Inndeling av elevar i klassar og grupper**

Skolen skal sørge for at kvar elev høyrer til éin klasse og har så mykje opplæringstid i klassen at eleven kan utvikle sosial samkjensle. I delar av opplæringa kan elevane delast i andre grupper. Klasane og gruppene skal setjast saman slik at skolen blir ein møteplass der elevane utviklar toleranse og respekt for kvarandre.

Ingen klassar eller grupper skal vere større enn det som er trygt og pedagogisk forsvarleg.

Elevane kan delast inn i grupper etter fagleg nivå i særskilde og avgrensa delar av opplæringa, dersom det er nødvendig for at ein eller fleire av elevane skal få eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Elevane kan berre delast inn i grupper etter kjønn dersom det er særleg tungvegande grunnar til å gjere det. Elevane kan ikkje delast inn i grupper etter etnisitet.

Skolen skal sørge for at alle elevar har ein kontaktlærar. Kontaktlæraren har eit særleg ansvar for eleven, for kontakten med heimen og for administrative, sosiale og pedagogiske gjeremål i klassen.

§ 3-4 a skal lyde:

**§ 3-4 a Fjernundervisning**

Delar av opplæringa kan gjennomførast utan at læraren er til stades saman med elevane (fjernundervisning) dersom det er gode grunnar for det og det er trygt og pedagogisk forsvarleg. At det må vere gode grunnar betyr at fordelane for elevane må vere større enn ulempene ved å gjennomføre opplæringa som fjernundervisning. Når det skal vurderast om det vil vere trygt og pedagogisk forsvarleg å

gi delar av opplæringa som fjernundervisning, skal det mellom anna takast omsyn til elevane sitt høve til læring, utvikling, trivsel og sosial samkjensle.

Elevane skal få fjernundervisning på skolen. I særlege tilfelle kan ein elev få fjernundervisning andre stader enn på skolen. Elevar i vidaregåande skole kan også få unntak etter avtale med rektor.

Fjernundervisninga skal gjennomførast slik at elevane og læraren kan kommunisere effektivt. Dei tekniske løsingane som blir nytta, må legge til rette for kommunikasjon i sanntid eller med kort responstid.

Skolen skal godtgjere at vilkåra i denne paragrafen er oppfylte.

Departementet kan gi forskrift om fjernundervisning. Departementet kan også gi forskrift om rapportering og dokumentasjon ved bruk av fjernundervisning.

§ 3-4 b skal lyde:

**§ 3-4 b Tilpassa opplæring**

Skolen skal sørge for at opplæringa er tilpassa, det vil seie at elevane skal få eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa uavhengig av føresetnader, og at alle skal få utnytta og utvikla evnene sine.

Ny § 3-4 c skal lyde:

**§ 3-4 c Tilfredsstillande utbytte av opplæringa**

Skolen skal sørge for at lærarane følger med på utviklinga til elevane og melder frå til dagleg leiar dersom det er tvil om at ein elev har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Om det må til, skal skolen setje i verk eigna tiltak, jf. § 3-4 b og § 3-4 d.

Skolen skal vurdere om tiltaka er nok til å gi eleven eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa, eller om eleven kan trenge individuell tilrettelegging etter reglane i opplæringslova §§ 11-4, 11-5 og 11-6, jf. § 3-6.

Ny § 3-4 d skal lyde:

**§ 3-4 d Intensiv opplæring på 1.-4. trinn**

På 1. til 4. trinn skal skolen sørge for at elevar som står i fare for ikkje å ha forventa progresjon i lesing, skriving eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring. Dersom det er best for eleven, kan den intensive opplæringa i ein kort periode givast som eineundervisning.

§ 3-5 skal lyde:

**§ 3-5 Særskild språkopplæring**

Elevar med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild språkopplæring til dei kan norsk godt nok til å følgje den vanlege opplæringa. Særskild språkopplæring skal omfatte forsterka opplæ-

*ring i norsk og, om det trengst, morsmålsopplæring, tospråkleg opplæring i fag eller begge delar.*

*Heimkommunen eller heimfylket skal jamleg vurdere om ein elev som har vedtak om særskild språkopplæring kan norsk godt nok til å følge den vanlege opplæringa.*

*Heimkommunen eller heimfylket kan gjere vedtak om at eleven skal få opplæring i morsmål på ein annan skole enn den eleven går på.*

*Heimkommunen eller heimfylket til eleven gjer vedtak og dekkjer utgiftene til særskild språkopplæring. Departementet er klageinstans.*

*Reglane gjeld ikkje for elevar ved internasjonale skolar og norske skolar i utlandet.*

Ny § 3-5a skal lyde:

**§ 3-5a Innføringsopplæring for elevar som har budd kort til i Noreg**

Heimkommunen eller heimfylket kan gi elevar som har budd kort tid i Noreg og har fått vedtak om særskild språkopplæring, heile eller delar av opplæringa i særskilde grupper eller klassar eller på særskilde skolar. Heimkommunen eller heimfylket kan berre gi slik innføringsopplæring der som eleven eller foreldra samtykkjer.

Heimkommunen eller heimfylket kan gjere vedtak om innføringsopplæring for ein elev for opp til eitt år om gongen, i til saman opp til to år. I vedtaket kan det gjerast unntak frå læreplanar i fag og fag- og timefordelinga.

Private skolar kan gi innføringsopplæring når det ligg føre vedtak frå heimkommunen eller heimfylket om slik organisering og om at skolen kan gi slikt opplæringstilbod. Skolar som vil gi innføringstilbod, må gi kommunen eller fylkeskommunen den informasjon som er nødvendig for å opplyse saka før denne gjer vedtak.

Reglane gjeld ikkje for elevar ved internasjonale skolar og norske skolar i utlandet.

§ 3-6 skal lyde:

**§ 3-6 Individuell tilrettelegging**

*Elevar i privatskolar godkjent etter lova her har same rett til individuell tilrettelegging som elevar i offentlege skolar. Reglane i opplæringslova §§ 11-4 til 11-11 gjeld tilsvarande for privatskolar.*

Heimkommunen eller heimfylket til eleven gjer vedtak om personleg assistanse, vedtak om fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel og vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring etter reglane i opplæringslova §§ 11-4 til 11-6, jf. § 11-7. Heimkommunen eller heimfylket skal dekkje utgiftene til individuell tilrettelegging etter reglane i opplæringslova §§ 11-4 til 11-6 i private skolar på lik linje med offentlege skolar. Vedtak om dekning

*av utgifter til individuell tilrettelegging er eit enkeltvedtak. Berekinga av midlar til individuelt tilrettelagt opplæring skal vere relatert til talet elevar med individuelt tilrettelagt opplæring. I tilstilstfelle avgjer departementet kva kommune eller fylkeskommune som er ansvarleg for kostnadene. Departementet har tilsvarende ansvar for elevar ved norske skolar i utlandet.*

Departementet kan gi forskrift om gjennomføring av reglane om *individuell tilrettelegging*.

Departementet er klageinstans for klage over kommunale og fylkeskommunale enkeltvedtak om *individuell tilrettelegging*.

§ 3-7 skal lyde:

**§ 3-7 Rett til skyss, reisefølgje og tilsyn**

*Elevar i private grunnskolar har rett til skyss til og frå skolen etter reglane i opplæringslova § 4-1 og rett til reisefølgje og tilsyn etter reglane i opplæringslova § 4-2. Opplæringslova § 4-3 første, andre og tredje ledd gjeld for elevar i private grunnskolar. Retten til skyss, reisefølgje og tilsyn for elevar i grunnskolar gjeld berre innanfor kommunegrensa i den kommunen der eleven bur.*

*Elevar i private vidaregåande skolar har rett til skyss til og frå skolen etter reglane i opplæringslova § 9-1 om skyss for elevar i vidaregåande skole og § 9-2 om reisefølgje og tilsyn for elevar i vidaregåande skole. For elevar i vidaregåande skolar gjeld retten til skyss, reisefølgje og tilsyn berre innanfor fylkeskommunegrensa i den fylkeskommunen der eleven bur.*

Heimkommunen eller heimfylket til elevane gjer vedtak om skyss, og dekkjer utgifter etter reglane i opplæringslova § 28-7. Departementet er klageinstans ved klage over kommunale og fylkeskommunale vedtak om skyss i grunnskolen. Heimfylket er klageinstans ved klage på vedtak om skyss i vidaregåande skolar.

Reglane gjeld ikkje for elevar ved norske skolar i utlandet.

§ 3-9 opphevast.

§ 3-10 skal lyde:

**§ 3-10 Bortvising**

*Styret kan fastsetje i skolereglane at elevane kan visast bort frå opplæringa etter fleire eller grove brot på skolereglane, med dei avgrensingane som følgjer av denne paragrafen. Ein elev kan ikkje visast bort dersom mindre inngripande tiltak er tilstrekkelege.*

*Elevar på 1. til 7. trinn kan visast bort for enkelttimar eller resten av dagen, og elevar på 8. til 10. trinn kan visast bort for opp til tre dagar. Foreldra skal få melding før ein elev på 1. til 7. trinn blir*

*vist bort for resten av dagen. Elevar i den vidaregåande opplæringa kan visast bort for opp til fem dagar. Det kan også fastsetjast at elevar i den vidaregåande opplæringa kan visast bort for resten av skoleåret dersom regelbrota er særleg alvorlege.*

*Det er dagleg leiar sjølv som vedtek bortvising frå opplæringa. Om ikkje styret fastset noko anna, kan dagleg leiar gi lærarar høve til å vise bort elevar frå ei opplæringsøkt som læraren sjølv har ansvaret for. Bortvisinga kan ikkje gjelde for meir enn to klokkeslag. Heimfylket gjer vedtak om at ein elev i vidaregåande skole skal visast bort for resten av skoleåret. Heimfylket kan ikkje delegere myndigheita til å gjere vedtak om at ein elev i den vidaregåande opplæringa skal visast bort for resten av skoleåret til den enkelte skolen. Norske vidaregåande skolar i utlandet gjer sjølv vedtak om bortvising.*

Avgjerd om bortvising er enkeltvedtak, og reglane i forvaltningsloven gjeld. Departementet er klageinstans.

§ 3-11 skal lyde:

§ 3-11 *Rådgiving om utdannings- og yrkesval*

*Skolen skal sørge for at elevar i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa får den rådgivinga som dei treng om utdannings- og yrkesval.*

*Elevane skal få rådgiving på den skolen dei går på, og individuelt dersom dei ønsker det.*

I kapittel 3 skal ny § 3-11 a lyde:

§ 3-11 a *Rådgiving om sosiale og personlege forhold*

Skolen skal sørge for at elevar får den rådgivinga som dei treng om sosiale og personlege forhold som kan ha innverknad på korleis dei har det på skolen.

Elevane skal få rådgiving på den skolen dei går på, og individuelt dersom dei ønsker det.

§ 3-12 skal lyde:

§ 3-12 *Fritak frå aktivitetar i opplæringa på grunn av livssyn*

Opplæringslova § 14-6 gjeld tilsvarende for elevar i skolar godkjende etter lova her. Retten til fritak frå aktivitetar m.m. gjeld likevel ikkje for elevar i skolar som er godkjent etter § 2-1 andre ledd bokstav a *livssyn*. Departementet er klageinstans for enkeltvedtak etter denne regelen.

§ 3-13 skal lyde:

§ 3-13 *Permisjon frå den pliktige grunnskoleopplæringa*

*Skolen kan gi ein elev permisjon frå skolen dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg. Skolen skal ha retningslinjer om permisjon frå skolen.*

*Ein elev som høyrer til eit anna trussamfunn enn Den norske kyrkja, har rett til permisjon frå skolen dei dagane trussamfunnet har helgedag, der som foreldra sørger for den opplæringa som må til for at eleven skal kunne følgje med i opplæringa på skolen etter fråværet.*

Avgjerd om permisjon er enkeltvedtak, jf. forvaltningsloven § 2. Departementet er klageinstans.

§ 3-14 skal lyde:

§ 3-14 *Alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)*

Elevar som heilt eller delvis manglar funksjonell tale og treng alternativ og supplerande kommunikasjon, skal få *bruke* eigna kommunikasjonsformer og nødvendige kommunikasjonsmiddel i opplæringa.

*Elevar har også rett til den opplæringa dei treng for å kunne bruke alternativ og supplerande kommunikasjon. Denne opplæringa kan vere ein del av den individuelt tilrettelagde opplæringa etter opplæringslova § 11-6, jf. § 3-6.*

§ 3-15 skal lyde:

§ 3-15 *Forbod mot bruk av plagg som dekkjer ansiktet*

*Elevar skal ikkje bruke plagg som dekkjer heile ansiktet eller delar av det, når dei får opplæring. Det same gjeld når dei deltek i skolefritidsordninga eller får leksehjelp.*

*Tilsette i skolen skal ikkje bruke plagg som dekkjer heile ansiktet eller delar av det, når dei er saman med elevane. Det same gjeld dei som arbeider i skolefritidsordninga og leksehjelpordninga.*

*Forbodet gjeld ikkje tildekking av ansiktet av omsyn til vær, helse eller tryggleik, eller tildekking som tener pedagogiske eller sosiale føremål.*

§ 4-1 skal lyde:

§ 4-1 *Leiing*

Kvar skole skal ha ei *leiing som er fagleg, pedagogisk og administrativ forsvarleg*.

Skolen skal ha ein dagleg leiar.

§ 4-2 skal lyde:

§ 4-2 *Kompetansekrav til undervisningspersonalet*

For undervisningspersonalet ved skolar som er godkjende etter lova her, gjeld dei kompetansekrava som følger av §§ 17-3 og 17-4 i opplæringslova med tilhøyrande *forskrift*.

For undervisningspersonalet ved skolar som er godkjende med alternative læreplanar, kan departementet også godkjenne alternative kompe-

tansekraav til dei krava som følgjer av opplæringslova §§ 17-3 og 17-4 med tilhøyrande forskrift.

Departementet kan gi forskrift om krav til kompetanse i tillegg til krava i første ledd.

Departementet kan gi forskrift om krav til relevant kompetanse i dei ulike faga.

§ 4-3 skal lyde:

**§ 4-3 Politiattest og forbod mot tilsetjing**

*Skolen skal krevje politiattest av dei som skal tilsetjast fast eller mellombels i grunnskolen, i den vidaregåande skolen, i leksehjelpa eller i skoleliknande aktivitetstilbod.*

*Skolen kan krevje politiattest av personar som skal ha praksis på skolane og andre stader der tilboda som nemnde i første ledd blir gitt. Når det skal vurderast om ein person som skal ha praksis, skal legge fram politiattest, skal det leggjast vekt på om det alt er utført vandelskontroll etter eit anna regelverk, kor langt praksisopphaldet skal vere, og kor mykje kontakt personen skal ha med elevar.*

*Skolen kan krevje politiattest av personar som skal utføre oppgåver ved skolane og andre stader der tilboda som nemnde i første ledd blir gitt.*

*Politiattesten skal innehalde dei merknadene som politiregisterloven § 39 første ledd fastset. I tillegg skal politiattesten innehalde merknader om reaksjonar for brot på straffeloven (2005) §§ 251, 252, 253, 254, 255, 256, 263, 264, 272, 273, 284 og 285, straffeloven (1902) §§ 222, 223, 227, 228 andre ledd, 229 og lov 15. desember 1995 nr. 74 om forbud mot kjønnslemlestelse §§ 1 og 2. Merknader om reaksjonar for brot på desse straffeboda skal i ordinær politiattest oppgis i samsvar med politiregisterloven § 40.*

*Personar som er dømde for eller har vedtatt føreligg for seksuelle overgrep mot mindreårige, skal ikkje tilsetjast eller ha praksis i skolar eller tilbod som nemnde i første ledd.*

*Dersom politiattesten inneholder merknader om verserande sak eller andre straffebrot enn dei som er nemnde i femte ledd, skal det vurderast konkret om personen bør tilsetjast, ha praksis eller utføre oppgåver i skolar eller tilbod som nemnd i første ledd.*

*Departementet gir forskrift om politiattest, og kva for straffebod som skal vere omfatta av femte ledd. Departementet kan også gi forskrift om innhenting og behandling av politiattest.*

§ 4-5 skal lyde:

**§ 4-5 Bruk av anna personale enn dei som er tilsett i lærarstilling**

*Anna personale enn dei som er tilsett i lærarstilling, kan hjelpe til i opplæringa, men skal ikkje ha ansvaret for opplæringa. Skolen skal sørge for at*

*slike personale får nødvendig rettleiing av ein som er tilsett i lærarstilling.*

I kapittel 4 skal ny § 4-6 skal lyde:

**§ 4-6 Krav om at skolane har tilgang på vikarar**

Skolen skal sørge for å ha tilgang på vikarar ved vanleg og venta fråvær.

§ 5-1 skal lyde:

**§ 5-1 Styret**

Som øvste ansvarlege organ skal kvar skole ha eit styre. Skolen sitt styre skal oppnemnast i samsvar med det rettsgrunnlaget skolen blir driven etter.

Rett til å vere til stades på møte i styret, til å seie meininga si og få denne tilført protokollen, har:

- a. ein representant oppnemnd av vertskommunen når det gjeld ein grunnskole, ein representant oppnemnd av fylkeskommunen når det gjeld ein vidaregåande skole,
- b. ein representant *frå elevane*,
- c. ein representant *frå foreldra i grunnskolar*,
- d. ein representant for undervisningspersonalet ved skolen,
- e. ein representant for andre tilsette ved skolen,
- f. dagleg leiar av skolen.

Departementet kan i særskilde tilfelle og etter søknad gjere unntak frå andre ledd.

Ved *behandling* av saker der det gjeld *lovfesta teieplikt*, skal styret sørge for at personar *under 18 år med møterett forlet* møtet.

§ 5-2 andre ledd bokstav d. skal lyde:

- d. fastsetje inntaks- og skolereglar for skolen,

§ 5-2 andre ledd bokstav e. skal lyde:

- e. fremje saker om *pålagt* skolebyte etter opplæringslova § 13-2, jf. § 2-4 andre ledd,

§ 5-2 b første ledd første punktum skal lyde:

Styret skal ha eit forsvarleg system for å følge opp resultata frå nasjonale kvalitetsvurderinger som departementet gjennomfører etter § 7-2 c.

§ 5-3 og § 5-4 opphevast.

§ 5-5 skal lyde:

**§ 5-5 Overgangen frå barnehagen til skolen**

*Skolen skal sørge for at barna får ein trygg og god overgang frå barnehagen til skolen.*

I kapittel 5 skal ny § 5-6 skal lyde:

**§ 5-6 Overgangen frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa**

Dei vidaregåande skolane skal sørge for at elevane får ein trygg og god overgang frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa. Grunnskolen skal samarbeide med den vidaregåande skolen om overgangen.

Nytt kapittel 5 A skal lyde:

Kapittel 5A Det beste for eleven, medverknad, skoledemokrati, foreldresamarbeid, skoleregler og plikt til å delta

#### § 5A-1 *Det beste for eleven*

Ved handlingar og avgjærder som vedkjem elevar, skal kva som er best for eleven, vere eit grunnleggjande omsyn.

#### § 5A-2 *Elevane sin rett til medverknad*

Elevane har rett til medverknad i alt som gjeld dei sjølv etter denne lova, og har rett til å ytre meiningane sine fritt. Elevane skal bli høyrde, og det skal leggjast vekt på meiningane deira etter alder og modning.

#### § 5A-3 *Samarbeid med foreldra*

Skolen skal samarbeide med foreldra om opplæringa til eleven.

Departementet kan gi forskrift om samarbeidet mellom skolen og foreldra.

#### § 5A-4 *Skoledemokratiet*

Skolen skal sørge for at elevane og foreldra får vere med på å planleggje, gjennomføre og vurdere verksemda til skolen, mellom anna arbeidet med skolemiljøet, kvalitetsutvikling i opplæringa og fastsetjinga av skoleregler. Elevane skal ikkje delta i behandlinga av saker som er omfatta av lovfesta tieplikt.

Skolen skal leggje til rette for at alle elevane skal kunne ytre seg, og oppmuntre dei til å delta i skoledemokratiet. Skolen skal òg hjelpe elevane i arbeidet med skoledemokratiet.

#### § 5A-5 *Organiseringa av skoledemokratiet*

Kvar grunnskole og vidaregåande skole skal ha eit elevråd som er valt av elevane ved skolen. Elevane kan velje å organisere seg på ein annan måte. Skolens styre skal sørge for at det blir fastsett kva for andre brukerorgan skolane skal ha.

Elevane og foreldra skal vere representerte i organ ved grunnskolar, og elevane skal være representerte i organ ved vidaregåande skolar.

#### § 5A-6 *Elevane si plikt til å delta og skolens oppfølgingsplikt*

Elevane skal vere aktivt med i opplæringa og følgje skolereglane. Skolen skal sørge for at elevar med fråvær frå opplæringa blir følgde opp.

Elevane kan bli pålagde å gjere oppgåver utanom skoletida (leksjer). Det må takast omsyn til at elevar har rett til kvile og fritid.

#### § 5A-7 *Skolereglar*

Skolen skal ha skolereglar om organisering av skoledemokratiet og om rettar og plikter for elevane, mellom anna om orden og oppførsel (skolereglar).

Skolens styre kan i slike skolereglar angi kva tiltak som kan brukast når elevar bryt skolereglane, og korleis slike saker skal behandlast.

#### § 5A-8 *Informasjon til elevane og foreldra*

Skolen skal gi elevar og foreldre den informasjonen dei har bruk for, mellom anna om opplæringa, den enkelte eleven, skolemiljøet og skolereglane, og om dei rettane og pliktene elevane elles har.

#### § 6A-1 første ledd skal lyde:

*Dette kapitlet gjeld godkjenning av diverse skolar som gir yrkesretta opplæring.* Skolar som 30. juni 2010 var godkjende og i drift etter tidlegare kapittel 6A i denne lova, har rett til statstilskot og til å drive verksemd etter dette kapitlet.

#### § 6A-7 skal lyde:

##### § 6A-7 Andre reglar

Følgjande reglar i denne lova gjeld så langt dei passar for skolar etter dette kapitlet:

- a. § 1-1 andre og tredje ledd om formålet med lova
- b. § 1-2 om verkeområdet
- c. § 2-2 om krav til verksemda til skolen, med unntak av tredje ledd. Dersom ein skole etter dette kapitlet har færre enn 10 elevar tre skoleår i samanheng, fell godkjenninga bort
- d. § 2-4 om krav til skoleanlegg og skolemiljø
- e. § 3-3 tredje ledd om skolegangen
- f. § 3-4 om organisering av elevane i klassar eller basisgrupper
- g. § 3-4 a om fjernundervisning
- h. § 3-4 b om tilpassa opplæring
- i. § 3-15 om forbod mot bruk av klesplagg som heilt eller delvis dekkjer ansiktet
- j. § 4-1 om leing
- k. § 4-3 om politiattest og forbod mot tilsetjing
- l. § 5-1 om styret, med unntak av bokstavane a og c

- m. § 5-2 om styret sine oppgåver, med unntak av bokstavane a og e
- n. § 5-2a om internkontroll
- o. § 5-2b første ledd om plikt til å arbeide med kvalitetsutvikling
- p. § 5 A-5 andre ledd om organisering av skoledemokratiet
- q. § 5 A-7 om skoleregler
- r. § 7-1 om budsjett, rekneskap og rapportering
- s. § 7-2 om tilsyn m.m.
- t. § 7-2a om moglege reaksjonsformer
- u. § 7-2b om karantene
- v. § 7-3 om teieplikt
- w. § 7-9 første og femte ledd om behandling av personopplysninger

§ 7-1 b skal lyde:

**§ 7-1 b Ulykkesforsikring**

Skolen skal sørge for ulykkesforsikring for elevane. *Plikta til å sørge for ulykkesforsikring gjeld ikke leksehjelp.* Departementet kan gi forskrift om ulykkesforsikring.

§ 7-1 d opphevast.

§ 7-1 e skal lyde:

**§ 7-1 e Leksehjelp**

Skolen skal ha tilbod om gratis leksehjelp til elevar i grunnskolen. Departementet kan gi forskrift om leksehjelptilboden.

§ 7-2 c skal lyde:

**§ 7-2 c Plikt til å delta i evalueringar og gi opplysningsar**

Departementet kan gi forskrift om at dei ansvarlege for opplæringa og dei som får opplæring, skal delta i evalueringar og gi opplysningsar om opplæringa, så langt det er nødvendig for å evaluere verksemda etter denne lova. Departementet kan vidare gi forskrift om at det i dette arbeidet kan behandlast personopplysningar, og mellom anna om formålet med behandlinga, behandlingsansvar, kva opplysningsar som kan behandlast og om kven, og tilgang til, vidarebehandling og utlevering av personopplysningar. Behandlinga kan også omfatte personopplysningar som nemnde i personvernforordninga artikkel 9 og 10.

§ 7-4 skal lyde:

**§ 7-4 Plikt til å melde frå til barnevernet**

Alle som utfører tenester eller arbeid etter denne lova, skal i arbeidet sitt vere merksame på forhold som kan føre til tiltak frå barnevernstenesta.

*Alle som utfører tenester eller arbeid etter denne lova, skal uten hinder av teieplikta melde frå til barnevernstenesta utan ugrunna opphold*

- a. når det er grunn til å tru at eit barn blir eller kjem til å bli mishandla, utsett for alvorlege manglar ved den daglege omsorga eller *annan alvorleg omsorgssvikt*

- b. når det er grunn til å tru at eit barn har ein livstruande eller annan alvorleg sjukdom eller skade og ikkje kjem til undersøking eller behandling, *eller at eit barn med nedsett funksjonsevne eller eit særlig hjelpetrengande barn ikkje får dekt det særlege behovet for behandling eller opplæring*

- c. når eit barn viser alvorlege åtferdsvanskar i form av alvorleg eller gjentatt kriminalitet, misbruk av rusmiddel eller anna utprega normlaus oppførsel

- d. når det er grunn til å tru at eit barn blir eller kjem til å bli utnytta til menneskehandel

Alle som utfører tenester eller arbeid etter denne lova, har også plikt til å gi opplysninger etter pålegg i samsvar med barnevernsloven § 13-4.

§ 7-5 skal lyde:

**§ 7-5 Opplysningsar til den kommunale helse- og omsorgstenesta og sosialtenesta**

Styret skal sørge for at alle som utfører tenester eller arbeid etter denne lova, er merksame på forhold som bør føre til tiltak frå sosialtenesta eller helse- og omsorgstenesta. Styret skal sørge for at dei som blir merksame på slike forhold, av eige tiltak gir sosialtenesta og eller helse- og omsorgstenesta alle relevante opplysningsar som dei ikke har plikt til å teie om.

§ 7-6 skal lyde:

**§ 7-6 Straffansvar for brot på opplæringsplikta**

Foreldre og andre som har omsorg for eit barn, kan straffast med bot dersom dei forsettleg eller aktlaust handlar slik at barnet er borte frå den pliktige grunnskoleopplæringa utan å ha rett til det.

§ 7-7 skal lyde:

**§ 7-7 Rett til å ta avgjerder for eleven når barnevernstenesta har overteke omsorga**

Dersom barnevernstenesta har overtatt omsorga etter barnevernloven § 5-1, har barnevernstenesta rett til å ta avgjerder på vegner av eleven. Barnevernstenesta har dessutan rett til å ta avgjerder på vegner av eleven etter vedtak om flytteforbod etter barnevernloven § 4-3 og etter vedtak om plassering etter barnevernloven § 4-2.

Foreldra til eleven har likevel rett til å velje privat skole etter opplæringslova § 2-2, samtykkje til

*fritak frå heile opplæringsplikta etter opplæringslova § 2-2 og krevje fritak frå delar av opplæringa på grunn av livssyn, jf. § 3-12.*

§ 7-8 skal lyde:

**§ 7-8 Innhenting og opplysningar frå Folkeregisteret**

Offentlege styresmakter kan utan hinder av teieplikt hente inn opplysningar frå Folkeregisteret når det er nødvendig for å utføre oppgåver etter denne lova. Departementet kan gi forskrift om kva for opplysningar som kan hentast inn.

§ 7-9 skal lyde:

**§ 7-9 Behandling av personopplysningar og unntak frå teieplikt**

Skolar kan behandle *personopplysninger* når det er nødvendig for å utføre oppgåver etter *lova*.

Ved skolebyte kan skolar hente inn *dei personopplysningane* frå andre *skolar* som er nødvendige for å oppfylle retten til *grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring* og retten til dokumentasjon av opplæringa.

Vidaregåande skolar kan hente inn *dei personopplysningane* frå *grunnskolar* som er nødvendige for å oppfylle retten til vidaregåande opplæring, gjennomføre inntak til vidaregåande opplæring og førebyggje fråvær frå opplæringa.

Ved skolebyte etter andre ledd og ved overgang til vidaregåande opplæring etter tredje ledd kan skolane også dele *personopplysningar*, for å leggje til rette opplæringa til ein elev dersom eleven eller foreldra tillet *det*.

*Behandlinga av personopplysningar etter første til fjerde ledd kan også omfatte personopplysningar som nemnde i personvernforordninga artikkel 9 og 10.*

Departementet kan gi forskrift om behandlinga av personopplysningar, mellom anna om formålet med behandlinga, behandlingsansvar, kva opplysningar som kan behandlast *og om* kven, bruk av automatiserte *avgjerder, og tilgang til, vidarebehandling og utlevering av personopplysningar*.

*Utlevering av opplysningar etter andre, tredje og fjerde ledd kan gjerast utan hinder av teieplikt.*

§ 7-10 første ledd første punktum skal lyde:

Skolar som tilbyr vidaregåande opplæring skal utan hinder av teieplikt levere resultat frå alle vitnemål og kompetansebevis frå vidaregåande opp-

læring til nasjonal database for vitnemål og dokumentasjon av kompetanse, jf. opplæringslova § 25-2.

I lov 12. juni 1987 nr. 56 om Sametinget og andre samiske rettsforhold (sameloven) blir det gjort følgjande endringar:

§ 3-8 andre ledd skal lyde:

For opplæring i og på samisk gjelder reglene i og i medhold av lov om *grunnskoleopplæringa* og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova).

I lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehager (barnehageloven) blir det gjort følgjande endringar:

§ 2a første ledd første punktum skal lyde:

Barnehagen skal samarbeide med skolen om barnas overgang fra barnehage til skole og skolefritidsordning, jf. opplæringslova § 4-7 og privatskolelova § 5-5.

§ 5 første ledd tredje punktum skal lyde:

Samarbeidsutvalget skal også i slike tilfeller settes sammen etter § 4 tredje ledd, men slik at foreldre og ansatte fra både barnehagen og skolen skal være representert, jf. opplæringslova § 10-4 første ledd første punktum.

I lov 8. juni 2018 nr. 28 om høyere yrkesfaglig utdanning (fagskoleloven) blir det gjort følgjande endringar:

§ 41 første ledd skal lyde:

Fagskoler kan oversende vitnemål og karakterer til den nasjonale databasen for vitnemål og dokumentasjon av kompetanse, jf. opplæringslova § 25-2.

I lov 18. juni 2021 nr. 97 om barnevern (barnevernloven) blir det gjort følgjande endringar:

§ 15-13 andre ledd skal lyde:

Kongen kan samtykke til at forsøket kan gjennomføres uten hinder av lovbestemt taushetsplikt etter denne loven og etter spesialisthelsetjenesteloven § 6-1, helsepersonelloven kapittel 5, forvalningsloven §§ 13 til 13 f, barnehageloven § 44, helse- og omsorgstjenesteloven § 12-1 og opplæringslova § 22-4.

**Vedlegg 1****Lovspeil**

Oversikta speilar lovreglane i dagens opplæringslov og forslaget til ny opplæringslov med omsyn til kva forhold dei enkelte reglane gjeld. Speilinga sei ikkje noko om innhaldsmessige likheiter eller forskjellar mellom dagens lov og forslaget til ny opplæringslov.

Når det står kun ein strek (–) betyr det at det aktuelle forholdet ikkje er foreslått regulert i forslaget til ny opplæringslov. Det kan til dømes vere fordi det er overflødig å regulere forholdet eller fordi det er foreslått å flytte reglane til forskrift.

Opplæringslova 1998	Forslag til ny opplæringslov
§ 1-1	§ 1-3
§ 1-2 første til tredje ledd	§ 1-2 første ledd
§ 1-2 fjerde ledd	§ 28-6 andre ledd
§ 1-3	§ 11-1
§ 1-4	§ 11-3
§ 1-5	§ 29-3
§ 1-6	§ 1-4 første ledd
§ 2-1 første ledd	§§ 2-1 første ledd og 2-2 første ledd
§ 2-1 andre ledd	§§ 2-1 andre ledd og 2-2 andre ledd
§ 2-1 andre ledd siste punktum	§ 2-2 tredje ledd
§ 2-1 tredje ledd	§ 2-1 første ledd, § 2-4
§ 2-2 første ledd	§ 1-6 første og andre ledd
§ 2-2 andre ledd	§ 1-6 sjette ledd
§ 2-2 tredje ledd	§ 14-1 første ledd
§ 2-2 fjerde ledd første og andre punktum	§ 14-2 andre ledd
§ 2-2 fjerde ledd tredje punktum	–
§ 2-2 femte ledd	–
§ 2-3 første ledd	–
§ 2-3 andre ledd	–
§ 2-3 tredje ledd første punktum	§ 1-4 andre ledd og § 1-6 første ledd
§ 2-3 tredje ledd andre punktum	§ 1-6 sjuande ledd
§ 2-3 tredje ledd tredje punktum	§ 2-3 andre ledd tredje og fjerde punktum
§ 2-3 fjerde ledd første punktum	§ 10-6 første ledd første punktum
§ 2-3 fjerde ledd andre og tredje punktum	–

Opplæringslova 1998	Forslag til ny opplæringslov
§ 2-3 femte ledd	–
§ 2-3 a	§ 14-6
§ 2-4	§ 14-7
§ 2-4 første ledd andre punktum	§ 14-5
§ 2-5 første ledd første og andre punktum	§ 15-2 første ledd, § 3-1 andre ledd første punktum
§ 2-5 første ledd siste punktum	§ 3-1 andre ledd siste punktum
§ 2-5 andre ledd	§ 15-1 andre ledd
§ 2-5 tredje ledd første punktum	§ 3-1 andre ledd andre punktum
§ 2-5 tredje ledd andre punktum	–
§ 2-5 fjerde ledd	§ 3-1 tredje ledd
§ 2-5 femte ledd	§ 3-1 fjerde ledd
§ 2-5 sjette ledd	§ 3-1 første ledd
§ 2-5 sjuande ledd	§ 15-2 andre ledd
§ 2-6	§ 3-4
§ 2-7	§ 3-3
§ 2-8	§§ 3-6 og 3-7
§ 2-9 (Oppheva med lov 9 juni 2017 nr. 38.)	
§ 2-10 (Oppheva med lov 9 juni 2017 nr. 38.)	
§ 2-11 første ledd	§ 2-2 4 ledd
§ 2-11 andre ledd	§ 2-2 femte ledd
§ 2-12 første ledd	§ 22-1
§ 2-12 andre ledd og tredje ledd	§ 22-2
§ 2-12 fjerde ledd	§ 22-3
§ 2-12 femte ledd	§ 22-1 andre ledd andre punktum
§ 2-13	§ 22-5 andre ledd
§ 2-14	§§ 3-5 og 11-5
§ 2-15	§ 2-5
§ 2-16	§ 11-12
§ 3-1 første ledd første og andre punktum	§ 5-1 første ledd
§ 3-1 første ledd tredje punktum	–
§ 3-1 første ledd siste punktum	§ 24-5
§ 3-1 andre ledd	–
§ 3-1 tredje ledd	§ 5-1 andre ledd
§ 3-1 fjerde ledd	§ 5-5
§ 3-1 femte ledd	–

Opplæringslova 1998	Forslag til ny opplæringslov
§ 3-1 sjette ledd første punktum	§ 5-1 sjette ledd
§ 3-1 sjette ledd andre punktum	–
§ 3-1 syvende ledd	–
§ 3-1 åttende ledd	§ 5-1 syvende ledd
§ 3-1 niende ledd	§ 5-8
§ 3-1 elevte ledd	§ 5-7
§ 3-1 tolvte ledd	§ 5-9
§ 3-2 første ledd	§ 1-6 fjerde og femte ledd
§ 3-2 andre ledd	§ 14-1 første ledd
§ 3-2 tredje ledd første og andre punktum	§ 14-1 andre ledd
§ 3-2 tredje ledd tredje punktum	–
§ 3-2 fjerde ledd	–
§ 3-3 første ledd, andre ledd og tredje ledd første og andre punktum	§ 5-2
§ 3-3 tredje ledd tredje punktum	§ 1-5
§ 3-3 fjerde ledd	§ 7-2 fjerde ledd
§ 3-3 femte ledd første punktum	§ 5-6
§ 3-3 femte ledd andre punktum	–
§ 3-3 sjette ledd	–
§ 3-4 første ledd første og andre punktum	§§ 1-4, 1-6 tredje til femte ledd
§ 3-4 første ledd tredje punktum	§ 5-4 andre ledd
§ 3-4 første ledd fjerde punktum	§ 5-4 tredje ledd
§ 3-4 andre ledd første punktum	§ 10-6 første ledd første punktum
§ 3-4 andre ledd andre punktum	–
§ 3-4 tredje ledd	–
§ 3-4 a	§ 23-3
§ 3-4 b	§ 23-3
§ 3-4 c	§ 23-4
§ 3-5	§ 23-2
§ 3-6	§ 9-4
§ 3-7 (Oppheva med lov 9 juni 2017 nr. 38.)	
§ 3-8 (Oppheva med lov 9 juni 2017 nr. 38.)	
§ 3-9	§ 6-3
§ 3-10	§§ 6-4 og 11-5
§ 3-11	§ 22-1 andre ledd
§ 3-12	§§ 6-5 og 6-6

Opplæringslova 1998	Forslag til ny opplæringslov
§ 3-13	§ 11-12
§ 3-14	§ 25-2
§ 4-1 første ledd	§ 7-1 fjerde ledd
§ 4-1 andre ledd	§ 7-1 tredje ledd
§ 4-1 tredje ledd	§ 7-1 femte ledd
§ 4-2 første ledd	–
§ 4-2 andre ledd første punktum	§ 7-4 første ledd
§ 4-2 andre ledd andre punktum	§ 7-4 andre ledd andre punktum
§ 4-2 tredje ledd første punktum	§ 7-4 fjerde ledd
§ 4-2 tredje ledd andre punktum	–
§ 4-2 fjerde og femte ledd	–
§ 4-3 første ledd første punktum	§ 7-5 første ledd
§ 4-3 første ledd andre punktum	–
§ 4-3 første ledd tredje og fjerde punktum	§ 7-5 andre ledd
§ 4-3 andre ledd	–
§ 4-3 tredje ledd første punktum	§ 7-6 første ledd
§ 4-3 tredje ledd tredje til femte punktum	–
§ 4-3 tredje ledd sjette og sjuande punktum	§ 7-6 andre ledd
§ 4-3 fjerde ledd	§ 7-5 tredje ledd
§ 4-3 femte ledd	§§ 7-5 tredje ledd og 7-9 fjerde ledd
§ 4-4 første ledd første punktum	§ 7-10 første ledd
§ 4-4 første ledd andre og tredje punktum	–
§ 4-4 første ledd fjerde punktum	§ 7-10 andre ledd
§ 4-4 andre ledd	–
§ 4-4 tredje ledd	–
§ 4-4 fjerde ledd	§ 7-10 tredje ledd
§ 4-4 femte ledd	§ 7-8
§ 4-5	§ 7-2
§ 4-6	§ 7-3
§ 4-7	§ 7-11
§ 4-8 første ledd første punktum	–
§ 4-8 første ledd andre punktum	§ 7-9
§ 4-8 andre ledd	§§ 7-5 andre ledd og 7-9 andre ledd
§ 4-8 femte ledd	–
§ 4A-1 første ledd første punktum	§ 18-2

Opplæringslova 1998	Forslag til ny opplæringslov
§ 4A-1 første ledd andre punktum	§ 19-1 første og andre ledd
§ 4A-1 første ledd tredje punktum	§ 19-1 første ledd og 19-2 andre ledd
§ 4A-1 andre ledd	§ 9-7
§ 4A-1 tredje ledd	§ 18-9
§ 4A-1 fjerde ledd	§ 18-10 første ledd
§ 4A-2 første ledd	§ 19-5 andre ledd
§ 4A-2 andre ledd	§ 19-6
§ 4A-3 første ledd første og andre punktum	§ 18-3 første ledd
§ 4A-3 første ledd tredje punktum	§§ 19-1 første ledd og 19-2 andre ledd
§ 4A-3 første ledd fjerde punktum	§ 19-2 andre ledd andre punktum
§ 4A-3 første ledd femte punktum	§ 18-3 fjerde ledd
§ 4A-3 andre ledd	§ 18-5 tredje ledd
§ 4A-3 tredje ledd	–
§ 4A-3 fjerde ledd	§ 18-9
§ 4A-3 femte og sjette ledd	§ 18-8
§ 4A-3 sjuande ledd	§ 18-7
§ 4A-3 åttende ledd	§ 18-10 andre ledd
§ 4A-4 første ledd	§§ 28-1 til 28-6 og § 19-11
§ 4A-4 andre ledd	§ 19-2 tredje ledd
§ 4A-4 tredje ledd	§ 19-1 tredje ledd
§ 4A-4 fjerde ledd	§§ 20-1 og 20-2 første ledd
§ 4A-4 femte ledd	§ 19-1 tredje ledd andre punktum
§ 4A-5	§ 19-13
§ 4A-6	§ 18-1 første punktum og § 19-1 andre ledd
§ 4A-7	§§ 21-1 til 21-3
§ 4A-8	§§ 18-8 og 19-12
§ 4A-9 første ledd første punktum	§ 20-4 tredje ledd
§ 4A-9 første ledd andre punktum	–
§ 4A-9 andre ledd	§ 20-4 fjerde ledd
§ 4A-9 tredje ledd	§ 20-4 andre ledd
§ 4A-10	§§ 29-1 og 29-2
§ 4A-11	§ 29-3
§ 4A-12	§ 19-5 første ledd
§ 4A-13	§ 19-7
§ 4A-14	§ 24-1

Opplæringslova 1998	Forslag til ny opplæringslov
§ 5-1 første ledd	§§ 11-4, 11-5 første ledd og 11-6 første ledd
§ 5-1 andre ledd	§ 11-6 andre ledd
§ 5-2 (Oppheva med lov 30 juni 2000 nr. 63)	–
§ 5-3 første ledd	§ 11-7 første ledd
§ 5-3 andre ledd	§ 11-8
§ 5-3 tredje ledd	–
§ 5-3 fjerde ledd	§ 11-7 andre ledd første og andre punktum
§ 5-4 første ledd første punktum	–
§ 5-4 første ledd andre og tredje punktum	§ 11-2
§ 5-4 andre og tredje ledd	§ 11-7 tredje ledd
§ 5-5 første ledd første punktum	§ 11-7 andre ledd tredje punktum
§ 5-5 første ledd andre og tredje punktum	§ 11-10
§ 5-5 første ledd fjerde punktum	–
§ 5-5 andre ledd	§ 11-11
§ 5-5 tredje ledd	§ 11-9 tredje ledd
§ 5-6 første ledd	§ 11-13 første ledd
§ 5-6 andre ledd første setning	§ 11-13 andre ledd
§ 5-6 andre ledd andre setning	§ 11-13 tredje ledd
§ 5-6 andre ledd tredje setning	§ 11-13 fjerde ledd
§ 5-7 (Oppheva med lov 17 juni 2016 nr. 65.)	–
§ 5-8	–
§ 5-9	§ 11-14
§ 6-1	–
§ 6-2 første ledd	§ 3-2 andre ledd første punktum
§ 6-2 andre ledd	§ 3-2 tredje ledd
§ 6-2 tredje ledd	§ 3-2 femte ledd
§ 6-2 fjerde ledd	§ 3-2 andre ledd andre punktum
§ 6-2 femte ledd første punktum	§ 3-2 første ledd
§ 6-2 femte ledd andre punktum	–
§ 6-2 siste ledd	§ 3-2 fjerde ledd
§ 6-3 første ledd første punktum	§ 6-2
§ 6-3 første ledd andre punktum	–
§ 6-3 andre ledd	–
§ 6-4 første ledd	§ 1-5 første ledd
§ 6-4 andre ledd	§ 1-5 andre ledd

Opplæringslova 1998	Forslag til ny opplæringslov
§ 6-4 tredje ledd	§ 1-5 tredje ledd
§ 7-1 første ledd første punktum	§ 4-1 første ledd andre punktum
§ 7-1 første ledd andre punktum	§ 4-1 første ledd første punktum
§ 7-1 første ledd tredje punktum	§ 4-1 andre ledd
§ 7-1 andre ledd	§ 4-1 tredje ledd
§ 7-1 tredje ledd	–
§ 7-1 fjerde ledd	§ 4-3 første til tredje ledd
§ 7-1 femte ledd	§ 4-3 fjerde ledd
§ 7-2 første ledd første punktum	§ 9-1 første ledd
§ 7-2 første ledd andre punktum	§ 9-1 andre ledd
§ 7-2 første ledd tredje punktum	§ 9-1 femte ledd
§ 7-2 andre ledd	–
§ 7-2 tredje ledd	§ 9-3
§ 7-3 første ledd	§ 4-1 fjerde ledd og § 9-1 tredje ledd
§ 7-3 andre ledd	§ 4-1 fjerde ledd andre punktum
§ 7-4	§ 4-2 og og § 9-2
§ 7-5 (Oppheva med lov 30 juni 2000 nr. 63.)	–
§ 7-6 (Oppheva med lov 17 juni 2016 nr. 65.)	–
§ 8-1	§ 2-6
§ 8-2	§ 14-2
§ 8-3	§ 14-3
§ 8-4 (Oppheva med lov 27 juni 2003 nr. 69.)	–
§ 9-1 første ledd	§ 17-2 første ledd
§ 9-1 andre ledd første til tredje punktum	§ 17-2 andre ledd
§ 9-1 andre ledd fjerde punktum	–
§ 9-1 tredje ledd	–
§ 9-2 første ledd	§§ 16-1 og 16-2
§ 9-2 andre ledd	§ 15-5
§ 9-3	§ 15-6
§ 9-4 første ledd første punktum	§ 15-3 tredje ledd
§ 9-4 første ledd andre punktum	–
§ 9-4 andre ledd	§ 15-3 andre ledd
§ 9-4 tredje ledd	§ 15-3 fjerde ledd
§ 9-4 fjerde ledd	§ 15-4 første ledd
§ 9-4 femte ledd	–

Opplæringslova 1998	Forslag til ny opplæringslov
§ 9-4 sjette ledd	–
§ 9-5	–
§ 9-6	§ 27-1
§ 9-7	§ 27-2
§ 9 A-1	§ 12-1
§ 9 A-2	§ 12-2
§ 9 A-3	§ 12-3
§ 9 A-4	§ 12-4
§ 9 A-5	§ 12-5
§ 9 A-6	§ 12-6
§ 9 A-7	§ 12-7
§ 9 A-8	§ 12-8
§ 9 A-9	§ 10-8
§ 9 A-10	§ 10-7
§ 9 A-11	§ 13-1
§ 9 A-12	§ 13-2
§ 9 A-13	§ 12-8
§ 9 A-14	§ 12-9
§ 9 A-15	§ 12-10
§ 9 A-16	–
§ 10-1	§ 17-3 første og andre ledd
§ 10-2	§ 17-4
§ 10-3	§ 17-10
§ 10-4	–
§ 10-5	§ 17-5
§ 10-6	§ 17-3 andre ledd
§ 10-6a	§ 17-3 andre ledd
§ 10-7	§ 17-9
§ 10-8 første punktum	§ 17-1
§ 10-8 andre punktum	§ 17-8
§ 10-9	§ 17-11
§ 10-10	–
§ 10-11	§ 17-6
§ 11-1	–
§ 11-1a	–

Opplæringslova 1998	Forslag til ny opplæringslov
§ 11-2	§ 10-5 første ledd
§ 11-3 (Oppheva med lov 27 juni 2003 nr. 69.)	–
§ 11-4	–
§ 11-5	–
§ 11-5a	–
§ 11-6	§ 10-5 første ledd
§ 11-7	–
§ 11-8	§ 10-5 andre ledd
§ 11-9	§ 10-9
§ 11-10	–
§ 12-1	§ 8-1 første ledd
§ 12-2	§ 8-1 andre ledd
§ 12-3	§ 8-2
§ 12-4	§ 8-2
§ 12-5	§ 8-1 tredje ledd
§ 12-6	§ 8-3
§ 12-7	–
§ 13-1 første til tredje ledd	§§ 28-1 og 28-6 første og andre ledd
§ 13-1 fjerde ledd	§ 17-12 første ledd
§ 13-2	§ 28-3
§ 13-2 a	§ 28-5
§ 13-3	§§ 28-2, 28-6 første og andre ledd, 18-5
§ 13-3 fjerde ledd andre punktum og femte ledd	§ 5-3
§ 13-3a	§ 28-4
§ 13-3b	§ 28-8
§ 13-3c	–
§ 13-3d	§ 10-3
§ 13-3e	§ 17-12 andre til fjerde ledd
§ 13-3f	§ 28-9
§ 13-4	§ 13-4
§ 13-5	§ 4-7
§ 13-6	§§ 26-1 og 26-2
§ 13-7	§ 4-5
§ 13-7a	§ 4-4
§ 13-7 b	§ 4-6

Opplæringslova 1998	Forslag til ny opplæringslov
§ 13-8	§ 28-2 sjette ledd
§ 13-9	–
§ 13-10	–
§ 14-1	§ 29-2
§ 14-2	–
§ 14-3	§ 22-5 tredje og fjerde ledd
§ 14-4	§ 25-4
§ 15-1 første ledd	–
§ 15-1 andre ledd	§ 22-4
§ 15-1 tredje ledd	–
§ 15-2	§ 29-1
§ 15-3	§ 24-3
§ 15-4	§ 24-2
§ 15-5 (Oppheva med lov 11 juni 2021 nr. 78)	–
§ 15-6	§ 24-4
§ 15-7	§ 29-4
§ 15-8	§ 24-1
§ 15-9	§ 25-3
§ 15-10	§ 25-1
§ 16-1	§ 30-1
§ 16-2	§ 30-2



Bestilling av publikasjonar

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

publikasjoner.dep.no

Telofon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på  
[www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)

Trykk: Tryggings- og serviceorganisasjonen til  
departementa – 03/2023

